VALDRES BYGDEBOK

Digitized by the Internet Archive
in 2025

https://archive.org/details/valdresbygdebok0000unse

DENGLAND

VALDRES BYGDEBOK
I

VALDRES BYGDEBOK

I

Skriftstyrar Ivar Aars

Valdres Bygdeboks forlag

Gard og bygd i Sør-Aurdal

Bind B

Kyrkjebjørgo, Øystre Bagn, Leirskogen, Dølve og Hølera

av
Jon Ola Gjermundsen

Sør-Aurdal kommune
Valdres Bygdeboks forlag
1988

GARD OG BYGD I SØR-AURDAL

Forsats: Utsyn frå Skarovegen mot Hølera.
Foto: Kåre Leite.

Baksats: Utsnitt av amtskart ca. 1850, attgjeve
med løyve av Statens kartverk.

Karta over garden
Åsen s. 656—657 er teikna
av Anne Åsen.

Sats, repro og trykk:
Valdres Trykkeri, Fagernes.

Innbinding:
Gjøvik Bokbinderi A.s., Gjøvik.

Papir: G-print 90 g.

ISBN 82-991593-1-8 (Bind A-C)
ISBN 82-991593-3-4 (Bind B)

Innhald

Føreord 7
Kyrkjebjørgo 9
Kyrkjebjørgo 11
Jukam 31
Øystre Bagn 69
Bagn 73
Leirskogen 208
Storøydgarden 211
Søre Langøydgarden 242
Hafton 258
Braka 273
Leikebakke 294
Skjerstein 301
Skaratn 314
Dølve 342
Dølve 344
Leitet 420
Hølera 432
Øyhus 436
Langedrag 502
Steinsetre 520
Ølmhus 537
Tronhus 582
Åsen 652
Fønnhus 690
Eid 711

Særskilt matrikulerte setrar 726
Huldrabakkin 726
Lundelisetre 726
Øvre Teinevassetre 726
Nedre Teinevassetre 726
Nedre Vangen 726
Øvre Vangen 726
Bukfyll 726
Register 727

Føreord

Med dette føreligg andre bindet av «Gard og bygd i Sør-Aurdal». Etter kommunevalet i 1987 vart hovudutvalet for kyrkje, kultur og fritid ikkje lenger representert i boknemnda, av di formannen i nemnda, Svein Thorsrud, ikkje stilte til val. Svein Thorsrud held likevel fram som formann til ut 1988. Den nye formannen i hovudutvalet, Elling Fekjær, har vorte nytt medlem i boknemnda. Me viser elles til nemnda sitt føreord i bind A om bakgrunnen for og arbeidet med gards- og ættesoga.

I bind A vil lesaren også finne rettleiing om innhaldet. Innleiinga gjer greie for korleis kapitla er oppbygde, og tek for seg andre punkt, som mønsteret for tilvisingar og skrivemåten av namn. Her finst også oversyn over kjelder og litteratur, ei liste med ordforklaringar og forkortingar, samt oversyn over normalisering av personnamn og ei oppstilling av tidsnemningar som blir nytta. I tillegg inneheld bind A eit oversynskart, som er spesielt utarbeidt for «Gard og bygd i Sør-Aurdal».

Sør-Aurdal, 1988

Svein Thorsrud
Gudrun Bøhle
Bjørg Eriksson
Elling Fekjær
Gudbjørg Fønhus Stensrud
Anders Sæteren
Ivar Aars

Stemning ved Bagn kyrkje ein vinterdag i 1927. Bagn kyrkje på Bagnsnoe, reist 1735—36, avløyste den eldre Ulekyrkja. Leiar for byggjearbeidet var Svein Olson Tråset frå Fåberg, som kjøpte Gastgjevarhaugen. Svein bygde også kyrkjene i Aurdal og Etnedal, utvida stavkyrkja i Hedalen til korskyrkje, og var kalla «Svein Kyrkjebyggjar».

Kyrkjebjørgo

Kyrkjebjørgo krins, også kalla Jukamsgrende, ligg i skogen på austsida av dalen, og strekkjer seg nordover frå Øystre Bagn til Nord-Aurdal. Med skrentar og berg fell dalsida bratt ned mot den tronge botnen, men i solvende bakkar oppe i høgda ligg dei gamle gardane Jukam og Kyrkjebjørgo. Mange husmannsplassar vart rydda etter kvart, frå temmeleg einslege plassar i utmarka høgt oppe i lia til dei innunder berga nede mot elva. Dei fleste plassane er nedlagde og attvaksne — mange stod folketome alt før hundreårsskiftet. Nokre plassar som vart selde til sjølveige, vart seinare fråflytta.

I skogen til Jukam og Kyrkjebjørgo hadde alle bruk felles hamne, men det var reglar for kven som hadde rett til å ha «heimkyr» — ei ku som gjekk heime i hamna heile sumaren. Husmannsplassane hadde ikkje høve til det.

Etter at den nye hovudvegen opp Bagnskleivitn var ferdig i 1895, har trafikken gjennom dalen gått utanom størstedelen av Jukamsgrende. Før gjekk hovudvegen opp bakkane om Jukamsgardane, Kyrkjebjørgo, Myre og vidare nordover. Ein enno eldre hovudveg gjekk opp til Jukamsgardane i brattberget bak plassen Kleive, som fekk dette namnet fordi han låg *under kleiven*. Martin Juvkam fortalde at dei hadde køyreokse på nedre Jukam som dei møtte med i kleiva, og spente framfor hesten og lasset opp den bratte bakken. Om vinteren køyrde dei over elva på isen ved Hølvegen. Her skal også ha vore eit vad, der dei reid over elva.

I førre hundreåret og til noko etter 1900 var Kyrkjebjørgo eit sosialt sentrum i krinsen. Dels hadde det samanheng med at hovudvegen gjekk tett forbi til nyvegen i Bagnskleivo kom. Det store kjøkenet i gamlebygningen vart nytta til møte av ulike slag, basarar og samlingar med omreisande predikantar. Eit rom innafor kjøkenet, som var blåmåla og kalla «Blåsalen», vart brukt til offentlege føremål, som rettsmøte. I andre høgda var det skulesal, som var i bruk til skulen i 1910 flytta til det nye skulehuset. Då Valdresbanen vart bygd, leigde jernbaneslusk seg inn på plassen Grolie, og dei

Dei tre Jukamsgardane, som er opphav til grendenamnet Jukamsgrende, ligg lunt til i sørvende bakkar oppe i høgda aust for Begna. Biletet syner øvre og nedre Jukam, medan midtre Jukam er skjult.

kom gjerne ned til Kyrkjebjørgo på tilstelningar.

Så lenge dei køyrde tømmer med hest, var *Hølvegslandet* ein høveleg stad å leggje frå seg på. Mest kvar vår vart fleire hundre tylfter merka og rulla på elva. Gardane som hadde rett til «tømmerlegge» her — iallfall i seinare tid — var dei tre Jukamsgardane, Bergatn og Ellendshaugen. Kvar gard hadde sin faste plass. Kyrkjebjørgo hadde tømmerlegge på eigen grunn, om lag rett ned for noverande avkøyrsle. Vegen dit tek av ca. 100 m sør for avkøyrsla.

Særmerkte namn i Jukamsgrenden, i tillegg til dei som er nemnde under kvar gard, er *Maraberget* ut mot Begna, der ein hest skal ha falle utover. *Grotta* var ei stor jettegryte i berget som elva hadde laga, så stor at det var dans der i helgekveldane. Grotta vart sprengd vekk då hovudvegen vart utvida. I elva nedafor plassen Bakkatn, som høyrde under midtre Jukam, låg *Hudhølen*. Når dei skulle laga lær, hengde dei fyrst hudene i vatnet for at håra skulle losne. Lenge dreiv folk sjølv med dette, seinare kom garvarar som fór ikring.

Kyrkjebjørgo

Gamalt matrikkelnr. 108, som Ton, gamal skyld 2 skinn, frå 1744 3 skinn.
***1838:* Nytt matrikkelnr. 32, ny skyld 3 dalar 3 ort 17 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 35, skyld 11 mark 22 øyre.**

På austsida av dalen er Kyrkjebjørgo den nørdste garden i Sør-Aurdal. Kyrkjebjørgo ligg gunstig til på god moldjord i svak sørhelling, om lag 445 m o.h. Det er mykje fjell i dagen, og jordvegen er oppdelt i spreidde, mindre stykke.

Etter Norske Gaardnavne kan garden opphavleg ha heitt *Bjargir,* fleirtal av *bjǫrg* f., dels brukt om framstikkande, noko høge og bratte berg. Den seinare fyrstelekken *Kyrkje* må ha samanheng med at *Bjargir* vart kyrkjegods. Forma *Kyrkjebjørgo* er dativ fleirtal.

Kyrkjebjørgo grensar i sør mot Jukam, går i vest ned dalsida til Begna, har i nord dele mot Nord-Aurdal og i aust mot Etnedal.

Truleg høyrer Kyrkjebjørgo til dei yngre gardane i Bagn sokn som vart rydda i gamalnorsk tid. Ved utgangen av øydetida var Kyrkjebjørgo underbruk under Ton gnr. 103 i Nord-Aurdal, og fekk ny busetnad kring 1700.

Matrikkel *1667*: Reinli kyrkje eig 4 skinn i Kyrkjebjørgo under Ton. — Denne skylda må vera for høg, for i matrikkelen 1670 og seinare er kyrkjegodset 2 skinn. Matrikkel *1723:* Det er skog til husbehov, og årleg kan avvirkast to—tre tylfter sagtømmer av furu og gran. Skogen har temmeleg god vekst. Garden har seter i felles utmark, som gjev to—tre lass høy, og ei heimseter som gjev eitt lass. Ein husmann, som sår 1 skjeppe og før ei ku. Måteleg jordart. Skyldsetjing *1744:* Etter synfaring vart skylda auka frå 2 til 3 skinn. Årleg utsæd var 2 tønner stritt bygg og 1/2 tønne havre, og garden kunne fø 1 hest, 5 kyr, 3 kviger og 12—14 småkrøter. Det var 9 mål åker, uskikka til korndyrking, og ei mager eng som ikkje kunne målast opp p.g.a. mykje stein og lauvskog. Skogen var temmeleg stor, men av så låg bonitet at for tida fanst nesten ikkje ein einaste skikkeleg sagtømmerstokk. Matrikkel *1761:* Tre husmenn, årleg kan hoggast to tylfter sagtømmer. Matrikkel *1782:* Tre husmannsplassar.

I 1716 vart Kyrkjebjørgo delt mellom to brør i bruk I og II, men samla att etter nokre tiår. I 1796 skjedde ei ny deling mellom to brør, men frå 1836 var garden på ei hand. Etter ei frådeling av noko skog i 1877, fekk hovudbølet bnr. 2. Plassen Humleberg, nemnd frå midten av 1700-talet, var sjølveigarbruk frå eit tidleg tidspunkt, og utskild som bnr. 3 i 1861. Plassane Myrestugu (Kyrkjebjørgmyre) og Tollerud, no Myre bnr. 5, vart skyldsette som ein eigedom i 1812. Plassen Moen vart utskild som bnr. 7 i 1947.

Under Kyrkjebjørgo var plassane Humleberg, Haugen, Grolie og Moen. Humleberg vart tidleg sjølveigarbruk, og Moen sjølveigarbruk i 1947, men nedlagd i midten av 1960-åra. Haugen vart nedlagd i siste del av førre hundreåret, og i Grolien har det budd folk meir tilfeldig etter at jarnbanen kom i 1905.



Kyrkjebjørgo i 1935, sett nedafrå. Opphaveleg har kan hende gardsnamnet vore Bjargir, fleirtal av bjørg, brukt dels om framstikkande, noko høge og bratte berg. Fyrstelekken Kyrkje er nok minne frå tida då kyrkja var eigar.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	4	16	20

	Bonde-folk	Teneste-folk	Husmanns-folk	Handverks-folk	Arbeids-folk	Fattig-folk	Andre	
1782	7	1	13					21
1801	11		4		1		1	17
1865	21	1	12	1		1	1	37
1900	14	1	14	2			2	33

Husdyrhald, utsæd og avling 1723—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1723	2	11	20	1 7/8		
1761	2	14	22	3 3/10	18	17 lass
1782	1	8	16	2 1/2	13	28 lass
1866	1	18	30	8	37	
				korn		
				18	84	128 skpd.
				poteter		

Eigarar

Den eldste kjende eigaren er Reinli kyrkje. I 1723 kjøpte allmugen i Ringsaker kyrkjene og kyrkjegodset i Aurdal av kongen, deriblant Kyrkjebjørgo som skyldte 2 skinn. Ringsakerallmugen selde seinare same år til prosten i Aurdal, Andreas Morland. Han selde garden i 1724 for 100 rd. til brukarane, brørne Lars og Nils Olsøner.

Bruk, husmannsplassar og bustadhus

Den fyrste kjende brukaren, *Ola Larsson* f ca. 1641, døydde på Kyrkjebjørgo i 1717. Kona kan ha vore *Gjartrud Gudbrandsdotter* f ca. 1634 d 1715. Barn som me kjenner:

1. Nils mogleg f ca. 1668, sjå bruk II.
2. Lars f ca. 1676, sjå bruk I.
3. Ola.

Ola Larsson overlet garden til sønene Nils og Lars, som fekk bygselsetel på kvar sin halvdel eller 1 skinn i 1716.

Kyrkjebjørgo bruk I

Lars Olson f ca. 1676 d 1738 g 1. 1707 m *Ragnhild Nilsdotter* f ca. 1676 d 1714. Barn:

1. *Ola* f 1706, brukar på heile garden.
2. Lars f 1707 gm Helga Hallvorsdotter Langedal, bygsla Langedal i Etnedal i 1733.
3. Siri f 1713.

Lars Olson g 2. 1715 m *Beret Håvårdsdotter.* Barn:

1. Nils f 1715, fekk i 1735 dottera Helga med Guri Andersdotter.
2. Håvård f 1718 gm Gunhild Sjugurdsdotter, sjå Humleberg 35/3.
3. Gjartrud f 1724.

Ragnhild Larsdotter Kyrkjebjørgo, som i 1760 gifta seg med Ola Knutson Solbrekka, var kan hende også dotter til Lars og Beret.

Beret Håvårdsdotter g 2. 1740 m *Bjørn Timannson Stavadalen,* sjå søre Stavadalen bruk I.

I 1734 selde Lars Olson for 50 rd. til eldste sonen Ola. Ola Larsson kjøpte bruk II av syskenbarnet Ola Nilsson i 1752, og vart eigar av heile garden.

Kyrkjebjørgo bruk II

Nils Olson kan vera identisk med den Nils Larsson Kyrkjebjørgo som døydde i 1744, 76 år gamal, og då f ca. 1668. I så fall er farsnamnet feilskrive. Nils Olson var g 1. 1712 m *Marit Olsdotter.* Barn:

1. Anne f 1712 d 1718.
2. *Ola* f 1714, neste brukar.
3. Anne f 1719.
4. Gjartrud f 1721 gm skulehaldar Ola Erikson Jukam, sjå Jukamseige.
5. Gunhild f 1723 gm Eivind Knutson Stavadalen, sjå Humleberg 35/3.
6. Guro f 1726.

I 1734 døydde Beret Olsdotter Kyrkjebjørgo, oppført som kone til Nils Larsson, 63 år gamal. Dersom denne Nils er identisk med Nils Olson, må han etter tidsrommet for barnefødslane å døme ha gifta seg opp att etter ekteskapet med Marit. Nils Larsson —

mogleg Olson — gifta seg på nytt i 1734 m *Ingebjørg Nilsdotter.*

I 1752 var *Ola Nilsson* eigar, f 1714 d 1798 g 1735 m *Inger Eriksdotter Berg*. Barn:

Erik f 1740 g 1. m Randi Amundsdotter, sjå Kyrkjebjørgmyre 35/5, g 2. m Ingebjørg Monsdotter, sjå nørdre Leitet 49/1.

Ola Nilsson selde i 1752 bruk II til Ola Larsson på bruk I for 178 rd. Seinare finn me Ola og Inger på plassen Kyrkjebjørgmyre, sjå der.

Kyrkjebjørgo samla

Ola Larsson f 1706 d 1788 g 1. 1734 m *Ingebjørg Knutsdotter Framgarden,* Bøle bruk I, f 1699 d 1743. Ingebjørg hadde før vore gm *Sjugurd Trondson,* og hadde med han dottera Marit f ca. 1731. Ved skiftet etter Ingebjørg i 1743 var bruttoeiga 281 rd. og nettoeiga 52 rd. Barn:

1. Sjugurd f 1734 gm Jøren Tørrisdotter Ton, sjå Kyrkjebjørgmyre 35/5.
2. *Ragnhild* f 1737, neste brukar.

Ola Larsson g 2. 1743 m *Marit Larsdotter Solbjør* f 1724 d 1804. Barn:

1. Ingebjørg f 1744 d 1744.
2. Ingrid f 1745, fekk i 1770 sonen Arne med Mikjel Olson Eid. Arne gifta seg med Siri Knutsdotter Lundatn, sjå Steinsetre.
3. Ingebjørg f 1747 gm Arne Olson Tronrud, sjå Humleberg 35/3.
4. Siri f 1749 gm Anders Person Skjerstein.
5. Lars f 1752.
6. Beret f 1754 g 1. m Ola Erikson Tronhuseige, g 2. m Ellend Sjugurdson Hellandshølen, sjå båe gonger Hansebrøtin 54/7.
7. Lars f 1756 gm Ragnhild Olsdotter Øyhus, sjå Steinsetre.
8. Anne f 1760 gm Gudbrand Toreson, sjå Steinsetereige.
9. Ola f 1762.
10. Lars f 1768 gm Siri Mikjelsdotter Eid, sjå Langbrøtin av Tronhus.

I 1773 makeskifta Ola Larsson halve Kyrkjebjørgo eller 1 1/2 skinn mot 2/3 av Steinsetre med versonen Lars Mikjelson Steinsetre. I 1782 var Lars eigar av heile Kyrkjebjørgo, medan Lars Olson, son til Ola Larson, var brukar i Steinsetren.

Lars Mikjelson Steinsetre, nørdre Fønnhus 56/2, f 1742 g 1768 m *Ragnhild Olsdotter Kyrkjebjørgo* f 1737 d 1818. Ved skiftet etter Lars i 1810 var bruttoeiga 412 rd. og nettoeiga 384 rd. Barn:

1. Mikjel f 1769 d 1770.
2. *Mikjel* f 1771, sjå bruk A.
3. Ingebjørg f 1774 gm Hermann Hermannson Bøen, sjå Bøen 11/12.
4. *Ola* f 1776, sjå bruk B.
5. *Knut* f 1778, sjå bruk B.
6. Guri f 1780 gm Henrik Andersson Espelie.
7. Anne f 1784 d 1786.

I 1796 delte Lars Mikjelson garden mellom sønene Ola og Mikjel med 1 1/2 skinn på kvar. Båe fekk skøyte i 1796, Ola for 490 rd., men Lars og kona ville førebels bruke denne halv-

delen sjølve. Med i salet var halve smedreiskapen, innreiinga i den søre stugun samt halvparten i kverna.

Kyrkjebjørgo bruk A

Bruk A var den nørdre parten, som Mikjel fekk. *Mikjel Larsson* f 1771 g 1796 m *Tøren Olsdotter Dal* f ca. 1766. Barn:

1. Lars f 1797 d liten.
2. Ragnhild f 1798.
3. Ola f 1801.
4. Lars f 1804.

I 1801 selde Mikjel Larsson til broren *Knut Larsson,* men heldt att plassane Myrestugu og Tollerud, som han selde att i 1806 til Sjugurd Toreson Fuglei. Knut Larsson, seinare brukar på søre Kyrkjebjørgo, selde bruk A i 1804 for 1399 rd. til broren *Ola Larsson* på bruk B. Etter at Ola døydde i 1810, vart enkja *Ingebjørg Andreasdotter* og den nye mannen hennar, *Ola E. Torsrud,* eigarar av bruk A. I 1834 selde *Anders Olson Hesthagin,* gm dotter til Ola Larsson og Ingebjørg Andreasdotter, bruk A eller den nørdre parten til *Lars Knutson* på bruk B.

Kyrkjebjørgo bruk B

Bruk B eller den søre parten overtok *Ola Larsson* f 1776 d 1810 g 1805 m *Ingebjørg Andreasdotter midtre Jukam* f 1786. Barn:

1. Ragnhild f 1806 d liten.
2. Kjersti f 1809 gm Anders Olson Hesthagin, sjå Hesthagahølet.

Ved skiftet etter Ola i 1810 åtte buet setrane Stugudalen og Naustevøllen i tillegg til halve Kyrkjebjørgo. Ola og Ingebjørg hadde vore velståande, forbruttoeiga var 5300 rd. og nettoeiga 4508 rd. Knut Larsson, no kalla Tofte, reiste krav om odelsløysing på denne søre delen, og det kom til forlik mot ein løysingssum på 1800 rd. Frå den nørdre delen vart det flytta ein låve til ei eng på den søre parten, og Knut skulle på eigen kostnad hogge og føre fram materialar til ein ny låve. Oppsetjinga skulle derimot eigaren av den nørdre halvdelen koste sjølv. Elles var det særskilde hus for dei to bruka, men kverna, badstugu og smiu var felles.

I 1811 fekk Knut Larsson skøyte på bruk B, og i 1812 vart dei to bruka skyldsette og grensene fastsette. Bruk B eller den søre delen, som var den beste, fekk ei skyld av 1 3/4 skinn og den nørdre 1 1/4 skinn.

Knut Larsson f 1778 d 1843 gm *Maria Andersdotter Kulterstad* f 1793 d 1872. Ved skiftet etter Knut Larsson i 1844 var bruttoeiga 1044 spd. og nettoeiga 914 spd. Barn:

1. Ragnhild f 1810 gm Knut Larsson Berg, Etnedal.
2. *Lars* f 1812, neste brukar.
3. Beret f 1815 gm Nils Erikson Skinnrud, sjå Austegarden 12/10.
4. Anne f 1817 gm Erik Jakobson nørdre Vøll.
5. Olea f 1820 d 1821.
6. Anders f 1822 g 1846 m Ingrid Gunnarsdotter øvre Jukam. Dei fekk i 1847 dottera Maria, og reiste til Amerika i 1848.
7. Ola f 1825, til Amerika.
8. Kari f 1827 gm Hans Olson Vøll, sjå Plassen 22/9.

9. Maria f 1829 gm Hans Olson Hølvegen, sjå Kyrkjebjørgmyre 35/5.
10. Siri f 1831 gm Ola Olson søre Tronrud.
11. Guri f 1833 d 1901.
12. Mikjel f 1836 gm Maria Kristiansdotter Kvale, Land, sjå Humleberg 35/3.

I 1836 selde Knut Larsson bruk B for 200 spd. til eldste sonen Lars, som i 1834 hadde kjøpt bruk A av Anders Olson Hesthagin. Kyrkjebjørgo var då samla att.

Kyrkjebjørgo samla

Lars Knutson f 1812 d 1888 g 1837 m *Anne Olsdotter Ølmhus* f 1817 d 1887. Far til Lars vart haugianar etter at Hans Nielsen Hauge besøkte i Sør-Aurdal i 1801, og Lars vart forkynnar og bibelbod. Frå kring 1840 tok han til med å halde eigne møte, og reiste mykje ikring til han døydde. Lars K. Kirkeberg naut stor vørnad, og var rekna for ein av dei beste lekpredikantane på Austlandet. Han hadde også mange offentlege verv. Dei siste åra frå 1884 budde han og Anne hjå sonen Knut, som var gardbrukar på Li i Nordre Land. (Valdres 15.12.1978.) Barn:

1. *Knut* f 1838, neste brukar.
2. Marie f 1839 gm Mons Sundeim, Ulnes.
3. *Kari* f 1841 g 1. m *Erik Embrekson Høve,* ei tid brukarar på Kyrkjebjørgo, g 2. m Ola Olson Torsrud, sjå Saudalen 22/5.
4. Oline f 1843 d 1844.
5. Anne f 1845 gm Hallstein Olson Torsrud, sjå nørdre Torsrud 30/6, til Amerika 1874.

Lars Knutson Kyrkjebjørgo f 1812 og kona Anne Olsdotter f Ølmhus 1817.

6. Beret f 1847, til Amerika 1874, gm Erik Nilsson Østgård.
7. Ole f 1849 d 1925, prest m.m.
8. Kristine f 1851 d 1855.
9. Oline f 1853 gm Kristoffer Olson nedre Jukam.
10. Kristine f 1855 gm Nils Hellerud, Biri.
11. Siri f 1857 d 1858.
12. Anders f 1859, til Amerika 1883, gm Sarah Lorinda Cook, f 1857 i Delevan, New York.
13. Anton f 1861 d 1862.

I 1863 selde Lars Knutson til sonen *Knut Larsson* f 1838 d 1904 g 1866 m *Ingebjørg Sjugurdsdotter Ølmhus,*

Dølveskamben, f 1840 d 1918. Foreldra hennar kjøpte visstnok Engerodden i Ådalen. I 1880 kjøpte Knut L. Kirkeberg garden Li i Nordre Land av bustyret etter lensmann Arne Baggerud, og familien flytta dit. Barn:

1. Anne f 1867 d 1955 g 1. m Iver Pederson Thomle, g 2. m Hans Nilsson Hagen. Anne overtok den gamle skysstasjonen Engerodden etter onkelen sin.
2. Lars f 1868 d 1951, overtok Li etter foreldra, gm Anne Maria Gudbrandsdotter Thomle.
3. Syver f 1871 d 1942 i Levanger.
4. Torgrim f 1872 d 1942 på Lunner, kjøpmann, gm Sigrid Colbjørnsen.
5. Gunnhild Marie f 1875 d 1907 på Li.
6. Ole f 1878 d 1940 gm Magnhild Thomle.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 21 mål åker og dyrka eng, 79 mål slåtteng, frå setrar og utmark kom 26 skippund høy, 14 tylfter gran- og furutømmer kunne årleg hoggast for sal, dei lauva 2000 kjerv, og garden var noko tungbrukt. I 1865 hadde dei 1 hest, 10 naut, 14 sauer, 8 geiter, 1 gris, og sådde 1 1/2 setting rug, 3 1/2 tønner bygg, 3 1/2 settingar blandkorn, 9 settingar erter og 5 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Ein hovudbygning i to høgder med skifersteintak. 2. Nord for den førre ein annan hovudbygning i to høgder med skifertak. 3. Eit stabbur i to høgder med skifertak. 4. Eit hus med fjøs, stall og låve, køyrebru inn på treskjelåven i den nørdre enden og skifertak. 5. Inntil den førre bygningen, på den nørdre kanten, ein vedskåle, ei lyu og ein stallskut med flistak. 6. Eit eldhus med bakaromn, panne og skifertak.

Ole Larsson Kirkeberg f 1849 d 1925 var ein andeleg kraft, og virka i meir enn 50 år for oppseding og kristendom som lærar, folkehøgskulestyrar og prest, både i Noreg, Danmark og USA. Noko av grunnlaget for livsgjerninga må ha vorte lagt på folkehøgskulen til Kristoffer Bruun i Gausdal i 1867—69. I 1871—74 studerte han teologi ved Askov seminar i Danmark, og vart via til prest. Etter nokre år i Amerika oppretta han ein folkehøgskule i Sandsvær i 1884, som seinare vart flytta til Vestfossen og Sigdal. I 1889 reiste han attende til Amerika. O.L. Kirkeberg fekk også tid til litterær verksemd. I 1919 ga han ut boka Minder fra Valdres, med minne frå oppveksten i Sør-Aurdal. (Valdres 19.3.1925, 4.5.1979 og 8.8.1980.)

Knut Larsson Kyrkjebjørgo f 1838 og kona Ingebjørg Sjugurdsdotter Engerodden f 1840. Knut åtte Kyrkjebjørgo, men selde etter nokre år og kjøpte Li i Nordre Land i 1880. Barna bak er frå venstre: Gunhild Marie, Ole, Lars, Syver og Anne.

I 1877 selde Knut Larsson sjølve garden, som vart bnr. 2, til verbroren *Erik Embrekson Høve*. Skogen, bnr. 1, selde Knut i 1884 til Ole S. Pikhaug.

Erik Embrekson Høve, Høve bruk II, f 1830 d 1897 g 1862 m *Kari Larsdotter Kyrkjebjørgo* f 1841. Erik E. Høve hadde fleire gardar: Søre Li i Gol, store Gryte i Vardal, Øydgarden i Aurdal og Kyrkjebjørgo. Erik og Kari fekk livaure hjå sonen Engebret på Navrud. Barn:

1. Inger Marie f 1865 gm Knut Knutson Ranum.
2. Engebret f 1868 g 1. m Ragnhild Olsdotter Slottet, g 2. m Ragna Sandvik, sjå båe gonger Navrud 10/2.
3. Anne Marie f 1870 gm Andreas Monsen, Krødsherad.
4. Lars f 1874 d 1933 i Tønsberg, møbelsnikkar, gm Hanna Larsen frå Herre i Bamble. Dei kom til Tønsberg i 1914.
5. Knut f 1877 gm Theodora Kristoffersdotter, sjå Søvøll 32/18, til Ramnes i Vestfold.
6. Mikkel f 1881 gm ei frå Danmark.

Kari Larsdotter g 2. 1901 m *Ole Olson Torsrud*, sjå Saudalen 22/5.

I 1892 kom ei ny slekt til Kyrkjebjørgo. Erik Embrekson selde då til brørne *Iver* og *Ole O. Klosbøle* frå grannegarden i nord. Iver selde i 1898 halvdelen sin til Ole.

Ole O. Klosbøle, tok namnet Kirkeberg, f 1853 d 1935 gm *Åste Åberg,* Åbjør, f 1869 d 1944. Barn:

1. *Olav* f 1892 d 1984, brukar saman med broren Kolbjørn.
2. Thor f 1894 gm Ingebjørg Bjørgo, til Sønråk i Aurdal.
3. Anna f 1897 d 1959 gm Kasper Glæserud, kjøpmann i Bagn.
4. *Kolbjørn* f 1902, brukar saman med Olav.
5. Ivar f 1907 d 1974, prest, seinare prost, til Matrand i Eidskog, gm Esther Bratli, Gjøvik.

I 1923 selde Ole og Åste Kirkeberg til sønene *Olav* og *Kolbjørn Kirkeberg,* som hadde garden saman til midten av 1960-åra. Deretter vart Kolbjørn Kirkeberg eigar åleine.

Kolbjørn Kirkeberg f 1902 g 1931 m *Magnhild Nilsdotter Rudlang,* Ulnes, f 1908. Kolbjørn Kirkeberg, som tok skogutdanning, var tømmermålar i Drammensdistriktets Tømmermåling i alle vårsesongane frå 1933 til 1966. Barn:

1. Astrid f 1933 gm Thomas Katevoll, busette i Grindaheim.
2. Kirsten f 1935 gm John Birger Wiken, busette i Asker.
3. *Kari* f 1943, neste brukar.

Familiebilete frå Kyrkjebjørgo. Fyrste rekkje frå venstre: Ole O. Klosbøle Kirkeberg f 1853 som kjøpte Kyrkjebjørgo i 1892, dottera Anna, kona Åste f Åberg 1869 og sonen Ivar. Bakre rekkje: Sønene Thor, Kolbjørn og Olav.

Nybrott i Kyrkjebjørgo med «beite», to hestar. Bak plogen står Olav Kirkeberg. Tre karar strevar med å få ein stein opp av jorda. Nærmast hestane er Ola Simensen, i midten Nils Moen og til høgre Olav T. Kirkeberg. Småjenta bak er Astrid Kirkeberg.

Kari Kirkeberg f 1943 og mannen *Erik Haugrud,* Vestre Slidre, f 1942, overtok i 1968. Barn:

1. Bjørn Erik f 1968.
2. Hans Olav f 1969.
3. Hege Kristin f 1975.

Kyrkjebjørgo har ca. 40 da. fulldyrka jord heime og leiger ca. 45 da. På setra Liastøl på Blomstøle, utskild frå Ellendslien i 1948 og tilkjøpt i 1970, er ca. 35 da. Den gamle setra på Skrikkarvølle selde Ole O. Klosbøle. Seterhuset på Liastøl brann i 1984, og nytt vart oppført i 1986. Same året vart det bygt ny veg frå Blomstøltoppe og fram til setra. Skogen er 2500—3000 da. Kyrkjebjørgo er med i Venelia fellesseter.

Aust for garden ligg *Øvrejordet* med murar etter hus øvst i jordet. Den gamle hovudvegen gjekk nedafor Øvrejorde. *Dokke* er eit søkk vest for Øvrejorde, sør for Dokken ligg *Nyjordsåker'n,* sør for Nyjordsåkere *Nylende,* mot garden frå plassen Mohaugen ligg *Moåker'n,* ut mot *Bølesberge,* vest for garden, er *Bøle,* rett sør for tunet er hovudstykket, *Storåker'n,* på 18 da., og *Kinnhalle* nedafor og inntil Storåkere er den brattaste delen av innmarka. På toppen av ein ås aust for garden ligg *Karihus* med tomt etter eit hus. Tradisjonen fortel at ei Kari hadde fått lov til å setja seg opp eit husvære her. Kari hadde ei geit, som ho had-

de inne i huset hjå seg. Det var ikkje jord til staden.

Den gamle tømra bygningen med skulesal i andre høgda vart riven i 1925. Ein ny bygning i halvanna høgd vart bygd på same tomt same år. Nytt våningshus vart ferdig i 1978. Det finst også eit anna gamalt våningshus i to høgder. Det gamle fjøset med låve vart rive i 1969. Ny driftsbygning vart bygd i 1968 og utvida i 1978. Nytt reiskapshus er frå byrjinga av 1970-åra. Av gamle hus finst elles smiu, stabbur og eit tørkehus brukt til å tørke lauv i. Badstugu vart riven i 1930-åra og eit eldhus brann i 1978. Gardssaga frå 1925 er erstatta av ei ny frå 1984. Det gamle fjøset som er nemnt i branntaksten i 1875, vart seinare brukt som reiskapshus fordi det nokre år etter 1875 vart bygt eit nytt fjøs i nedre delen av tunet, i vinkel med det gamle uthuset.

Den gamle gardsvegen opp frå riksvegen var for bratt, og ein ny veg vart bygd på slutten av 1950-talet. I 1953 kom den fyrste jordbrukstraktoren.

Humleberg bnr. 3

Plassen Humleberg, sør for Kyrkjebjørgo, tett attmed den gamle hovudvegen, var oppteken før 1750.

I 1747 vart ein *Tåmås Humleberg* stemna for gjeld av Kristafer Olson Øyhus. Tåmås sa han var fattig, og kunne ikkje lova å betala alt på ein gong. I 1750 er *Anders Humleberg* nemnd. I 1754 budde *Håvård Larsson Kyrkjebjørgo* på Humleberg og vitna i ei sak om slagsmål mellom Erik Olson Merket og Erik Erikson Bjørgo. Slagsmålet hadde funne stad på Humleberg, der dei to Erikane hadde stana for å få seg mat på heimtur frå marknaden i Kristiania. Det kan tyde på at Humleberg var kvilestad for vegfarande. Ei slede som hadde velta, var årsak til at dei rauk i tottane på kvarandre.

Håvård Larsson Kyrkjebjørgo var f 1715 og g 1751 m *Gunhild Sjugurdsdotter*. Barn som me kjenner:

1. Beret f 1752.
2. Sjugurd f 1755.

I 1759 selde Ola Larsson Kyrkjebjørgo og kona Marit Larsdotter plassen Humleberg til *Eivind Knutson* for 80 rd. Eivind skulle betala 1 ort til hjelp i skattane.

Eivind Knutson Stavadalen, Framgarden bruk VI, f 1719 g 1. 1750 m *Gunhild Nilsdotter Kyrkjebjørgo,* f 1723 d 1762. Dei var på Stavadale i 1750 og på Bagnsbergo i 1754, som Eivind kjøpte saman med broren Ola i 1751. I 1754 selde han Bagnsbergatn. Barn:

1. Kjersti f 1750.
2. Knut f 1754.
3. Marit f 1757 gm Hallvor Andersson Høvseige. I 1801 var dei innerstar på ein husmannsplass under Nordåk i Aurdal.
4. Gunhild f 1762.

Eivind Knutson g 2. 1764 m *Ingebjørg Eriksdotter nedre Jukam* f 1732 d 1816. I 1801 var Ingebjørg enkje, og budde hjå sonen Erik på plassen Klovutn under midtre Jukam. Barn:

1. Knut f 1765.
2. Erik f 1767 gm Guro Arnesdotter Torsrud, sjå Bergli 36/8.

I 1769 var *Sjugurd Olson Kyrkjebjørgo,* son til Ola Larsson og Ingebjørg Knutsdotter Kyrkjebjørgo, eigar. Sjugurd pantsette same år Humleberg som brukeleg pant i 27 år til verbroren *Arne Olson Brattrud* for eit lån på 202 rd. I 1787 fekk Arne Olson skøyte på pantet av Sjugurd. Men Lars Mikjelson hadde betalt Sjugurd 25 rd. for retten til Humleberg då han kjøpte Kyrkjebjørgo. Dermed kunne Lars løyse inn plassen. Det må han òg ha gjort. I 1795 fekk Arne Olson og kona Kari Arnesdotter Humleberg med setra Skrikkarvøllen som brukeleg pant for levetida si, denne gongen av Lars Kyrkjebjørgo for eit lån på 197 rd.

Arne Olson nørdre Tronrud f 1739 d 1803 g 1. 1767 m *Ingebjørg Olsdotter Kyrkjebjørgo* f 1747 d 1785. Ved skiftet etter Ingebjørg i 1785 var bruttoeiga 221 rd. og nettoeiga 209 rd. Barn:

1. Tora f 1768 gm Anders Kristaferson Leikebakke.
2. Marit f 1770 d 1771.
3. Marit f 1772 gm Jens Olson Braka, sjå Braka 44/bruk I.
4. Siri f 1775 d 1792.
5. Ingebjørg f 1777 mogleg gm Ola Mikjelson Storøydgarden, sjå Leiteplassen 47/7.
6. Ola f 1782 d 1810.

Arne Olson g 2. 1786 m *Kari Arnesdotter Klosbøle* f ca. 1750 d 1835. På skiftet etter Arne i 1803 var bruttoeiga 690 rd. og nettoeiga 642 rd.

Kari Arnesdotter g 2. 1803 m *Anders Henrikson Ton* f ca. 1783 d 1857.

Anders Henrikson g 2. 1836 m *Ingebjørg Julsdotter Nedrebøen,* øvre Jukam 36/1, f ca. 1782 d 1857.

I 1844 og -47 er sersjant *Ola Nilsson* gm *Beret Knutsdotter* nemnde på Humleberg, og var her truleg også i 1841. Barn i denne tida:

1. Kari f 1841.
2. Ola f 1844.
3. Erik f 1847.

Jul Høljeson, Bøle bruk II, f 1815, son til Ingebjørg Julsdotter Jukam, var på Humleberg i 1856 med kona *Ingrid Jensdotter Håde.* Dei flytta til Sør-Aurdal frå Nord-Aurdal. Barn på Humleberg:

Ingebjørg f 1856.

I 1861 vart Humleberg utskild. Lars Knutson Kyrkjebjørgo selde same år til broren *Mikjel Knutson Kyrkjebjørgo* f 1836 d 1910 i Humboldt, Iowa, g 1861 m *Maria Kristiansdotter Kvale,* Land, f 1841 d 1913. I 1867 reiste dei til Amerika, og busette seg i Clayton County, Iowa, der bror til Mikjel, Anders, alt hadde slått seg ned. I Noreg fekk dei tre barn, og i Amerika ti. Fleire av barna døydde unge, og berre fire fekk etterkomarar. Barn i Sør-Aurdal:

1. Knut Kristian f 1862.
2. Andreas Kristian f 1863.
3. Marie Bolette f 1865.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 4 mål åker og dyrka eng, 20 mål slåtteland, og dei lauva 300 kjerv. I 1865 hadde dei 3 naut, 4 sauer, 5 geiter, og sådde 2 settingar rug, 7 settingar bygg, 6 settingar blandkorn, 1/2 setting blandkorn og 3 tønner poteter.

Mikjel Knutson selde i 1864 til *Sjugurd Sjugurdson Kyrkjebjørgmoen* f

1828 d 1913 g 1863 m *Ingebjørg Olsdotter Framgarden,* Framgarden 13/26, f 1839. Sjugurd Humleberg dreiv som omreisande handelskar. Han var også «bel» — bad inn folk til samkomer i grenda. Sjugurd og Ingebjørg var strevsame folk. Dei bar jord ut på svaberga for å laga åker. Ingebjørg gjekk i skogen med trau og samla gjødsel frå beitedyr og gjødsla åkerlappane med. Barn:

1. Anne f 1865 gm Anders Eivindson Haslebråten.
2. Gjertrud f 1867.
3. *Sigrid* f 1870, neste brukar.
4. Kari f 1872 d 1906.
5. Oline f 1875 d 1889.
6. Marit f 1877.
7. Maria f 1880 d 1881.
8. Gunhild f 1880 d 1881.

I 1911 selde Sjugurd Humleberg til versonen *Syver Helgeson Haganes* gm *Sigrid Syversdotter.* Dei flytta til Haganes etter at Sjugurd døydde, og Ingebjørg flytta med dei dit. Syver Haganes heldt fram med å bruke Humleberg nokre år, og køyrde avlinga til Haganes. I 1924 selde han Humleberg til *Olav Kirkeberg,* og bruket har sidan høyrt saman med Kyrkjebjørgo.

Det einaste huset på Humleberg no er ei lyu. Jorda på 6—8 da., oppdelt i fleire småstykke, blir brukt til slått og beite.

Kyrkjebjørgmyre (Myrestugu) bnr. 5

Kyrkjebjørgmyre, i dagletale Myre, omfattar dei tidlegare plassane Myrestugu og Tollerud. Tomtene etter Tollerud ligg på *Tømto* oppe i jordet, medan Myrestugu var lengre ned. Sør i jordet er det også ei tomt.

Dei fyrste kjende husmannsfolka i Myrestugun er *Ola Nilsson Kyrkjebjørgo* gm *Inger Eriksdotter Berg,* som hadde ått Kyrkjebjørgo bruk II til 1752, sjå der. I 1766 var dei på ein plass under Kyrkjebjørgo, venteleg Myrestugu, men kan ha kome hit før. På Kyrkjebjørgeige var i 1766 også sonen *Erik Olson* f 1740 g 1. m *Randi Amundsdotter.* Dei fekk i 1762 sonen Erik. Erik Olson g 2. 1764 m *Ingebjørg Monsdotter,* sjå nørdre Leitet 49/1.

I 1780 var Ola Nilsson i plassen Renna under Gastgjevarhauge då han vart stemna av Lars Mikjelson Kyrkjebjørgo. Utan samtykke hadde Ola overdrage Myrestugu til sonen Erik, som hadde brukt plassen det siste året, og Ola ville ikkje halde eit forlik om husleiga. For to år sidan hadde Ola og Lars vorte einige om ei leige på 2 rd. 2 ort, som Ola skulle betala ved å fø krøter for Lars. Lars Kyrkjebjørgo utsa Ola Nilsson frå Myrestugun, og i 1784 vart Ola dømd til å flytja innan fyrste faredag.

Neste kjende husmannsfolk er *Sjugurd Olson Kyrkjebjørgo* f 1734 d 1800 g 1777 m *Jøren Tørrisdotter Ton.* Ved skiftet etter Sjugurd i 1800 var bruttoeiga 109 rd. og nettoeiga 19 rd. Sjugurd Olson fekk i 1791 sonen Jakob med Ragnhild Jakobsdotter Landmarkseige.

Mikjel Larsson Kyrkjebjørgo, som i 1796 hadde kjøpt halve Kyrkjebjørgo av faren, selde denne delen att i 1801, men heldt unna plassane Myrestugu og Tollerud, slik dei var inngjerda, saman med eit lite slåtteland, *nedre Lie,* nokre utslåttar, *Myratn,* sør for nedre Lien, samt rettar i ein skogteig, *Delesbergatn,* til Kyrkjebjørgo.

I 1806 selde Mikjel Larsson denne eigedomen for 80 rd. til *Sjugurd Toreson Fuglei* (Åbjør) f ca. 1782 d 1872 g 1. 1806 m *Kari Jakobsdotter*. Barn:

1. Tore f 1807.
2. Guri f 1808.
3. Barbro f 1812.

Sjugurd Toreson g 2. 1814 m *Kari Hermannsdotter Bøenseige*. I 1812 vart skylda sett til 1/4 skinn. I 1814 var det odelstakst over Myrestugu. Knut Larsson Kyrkjebjørgo hadde året før inngått forlik om at Myrestugu skulle fråflytjast som odelsgods for Kjersti Olsdotter, Kyrkjebjørgo bruk B. Taksten vart 650 rd., men det skulle haldast omtakst seinare.

I 1816 fekk *Knut Larsson Kyrkjebjørgo* skøyte, og selde i 1834 for 200 spd. til brørne *Tølleiv* og *Hallvor Olsøner Høvseige*. Dei selde i 1847 til *Tore Knutson Klosbøleige*. Tølleiv Olson og kona Guri Pålsdotter var deretter på Milevatne, sjå der.

Tore Knutson Klosbøleige, visstnok frå Trefotplasse under Åbjør, f ca. 1796 gm *Ingrid Knutsdotter* f ca. 1797. I 1865 budde sonen Knut f ca. 1828 og sonen Ola f ca. 1829 med familien sin saman med foreldra på Myren. Tore og sønene var flinke snikkarar, sønene var også målarar. Båe sønene er oppførte som snikkarar i 1865. På eit veggskåp på Myren er måla «Thore Knudsen 1845». Etter munnleg tradisjon skulle ein son til Tore gifte seg ein vår. Han skulle hente bryllaupsbrennevin på Stasjonssveen nedafor Tonsåse, men gjekk gjennom isen og drukna. — Desse familiane skal ha reist til Amerika.

Ola Toreson gm *Siri Andersdotter*. Barn som me kjenner:

1. Inger f ca. 1854.
2. Tore f 1858.
3. Ingebjørg f 1861.
4. Anders f 1863.
5. Berte Maria f 1866.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 7 mål åker og dyrka eng, 50 mål slåtteng, og dei lauva 300 kjerv. I 1865 hadde dei 4 naut, 9 sauer, 1 geit, 1 gris, og sådde 9 settingar bygg, 1 tønne blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

I 1868 selde Tore Knutson til *Kristafer Olson Hølvegen* f 1828 d 1894 g 1866 m *Gjartrud Olsdotter Hermundsplassen* f 1839. Barn:

1. Marit f 1873 d 1873.
2. Marit f 1874 gm Eirik Ellingson Wold, sjå nørdre Vøll 31/1.

På Myren budde i 1875 som innerst også versyster til Kristafer, *Maria Knutsdotter Kyrkjebjørgo* f 1829 d 1913, enkje etter *Hans Olson Hølvegen* f 1823. Maria levde av spinning og veving. I 1891 og seinare budde Maria Knutsdotter og dottera Maria i «Mariastugun» i Bagn, sjå Granvoll i Bagn. Maria og Hans hadde barna

1. Marit f 1854 gm mjølnar Magnus Andreasson Storebrue, sjå Granvoll i Bagn.
2. Maria f 1855, fekk i 1874 sonen Hans med Ivar Halvorson Klosbøleige. Maria og Hans var i 1875 også på Myren.

I 1895 selde Gjartrud Olsdotter Myre til *Ola Knutson Kyrkjebjørglie* f

1857 g 1885 m *Anne Marie Bjørnsdotter Song* f 1859 d 1947. Ole K. Myhren dreiv med muring. Barn:

1. *Knut* f 1886, neste eigar.
2. Ingrid f 1889 gm Olav Bø, Ramnes.
3. Thorbjørn f 1892 d 1893.
4. Guri f 1893 gm gullsmed Ole Knutson Hagen, sjå Bergheim i Bagn.
5. Thorbjørn f 1898 gm Olga Ness, Hoff i Vestfold.
6. Arne f 1902 gm Inga Haugene, Skinnrudbrøtin 9/8, Reinli, busette i Sem.

Ola Knutson selde i 1911 til sonen *Knut O. Myhren* f 1886 g 1914 m *Anne Engebretsdotter Haslene,* Haslatn 13/23, f 1895. Knut O. Myhren selde i 1918 til *Kristian Fossen* frå Aurdal, og familien flytta til Ramnes i Vestfold, der dei kjøpte gard. Foreldra og dei andre syskena til Knut, med unnatak av Guri, kom til Vestfold seinare.

Kristian Jørgenson Fossen, Vestringsbygde, f 1887 d 1972 gm *Gjertrud Arnesdotter Bråtene,* Bjørgo, f 1883 d 1964. Kristian Fossen dreiv i skogen og var slaktar. Barn:

1. Johan f 1914 d 1916.
2. Johan Alfred f 1916 gm Helga Glitten, Vardal, busette på Tonsbakka, Nord-Aurdal.
3. Ida Marianne f 1920 gm Kristian Stumlien, Nordre Land, busette på Bjørgo.
4. *Oddmund* f 1922, neste brukar.
5. Dagmar f 1926 gm Einar Solbrekken, Etnedal, busette på Brøto, Sørskogen.

Oddmund Fossen f 1922, eigar frå 1964, gm *Kari Haugen,* Bruflat, f 1927. Barn:

1. Turid f 1951 gm Hans Rognås, Etnedal, busette der.
2. Tørend f 1956 gm Olaf Bakkene, Bjørgo.
3. Anne f 1958.
4. Kristian f 1964.

Myre har 35 da. dyrka jord og 100 da. produktiv skog. Gamle namn er *Breåkern'n* på 2 da., som har vore livaursåker, *Skogaåker'n,* som låg i skogen, *Myrateigen* og *Tømtitn.* Den gamle gardsvegen nordover mot Klosbøle vart utbetra til bilveg i 1953—54. Buskapen dei siste åra har vore fire—fem kyr. Før hadde Oddmund hest til skogsarbeid. Våningshuset er frå kring 1870. I kårstugun frå slutten av 1800-talet budde anleggsarbeidarar då Valdresbanen vart bygd. Uthuset med fjøs og låve er frå 1940, og to stabbur er bygde saman under eitt tak med skåle mellom. Det øvre stabburet var før smiu, og stod på *Smiutømten.*

Myre har setrane Meinset og Jakobsstølen i Nord-Aurdal, kjøpte i 1955 og utskilde frå Brøto på Bjørgo, der mor til Oddmund Fossen var frå. På sumarsetra Meinset har Oddmund dyrka 14 da. og bygt hus. Vårsetra Jakobsstølen har ikkje hus og er ikkje i bruk.

Kyrkjebjørgmoen bnr. 7

Kyrkjebjørgmoen, i daglegtale berre Moen, ligg oppe i skogen, nedafor jarnbanelina.

I 1814 gifta *Sjugurd Olson Kyrkjebjørgeige* f ca. 1782 d 1872 seg som

enkjemann med *Kari Hermannsdotter Bøenseige,* Hellinge 11/4, f 1789 d 1817. Plassen var truleg Moen, der Sjugurd budde i det neste ekteskapet. Barn:

Ola f 1815 gm Gunhild Tåmåsdotter Kristianslundeige, sjå Sveinedokke under Langedrag.

Sjugurd Olson g 2. m *Gjartrud Nilsdotter* f Landmarkseige 1795 d 1882. Barn:

1. Kari f 1820.
2. Sesel f 1822 gm Ivar Olson Viste, sjå Dokke 1/7.
3. Anne f 1825, til Amerika 1847.
4. Nils f 1826, til Amerika.
5. Sjugurd f 1828 gm Ingebjørg Olsdotter Framgarden, sjå Humleberg 35/3.
6. Ellev f 1830 gm Anne Eriksdotter Prestbrøtin.
7. Gjartrud f 1833 gm Ola Olsen Brenna, sjå under Fekjar.
8. Marit f 1835 d 1837.
9. Marit f 1845 d 1845.

I 1865 hadde dei 2 naut, 6 sauer, 6 geiter, og sådde 18 settingar bygg og 2 tønner poteter.

Neste kjende husmannsfolk er *Halldor Isakson søre Gubberud* f 1832 d 1921 gm *Agnete Persdotter,* Bruflat, f ca. 1837. Dei er nemnde på Gubberud 1861—62, deretter i London frå 1864 og på Moe frå 1878. Halldor Isakson var jegar. Ein gong han var på jakt, sat han på ein påle ved Vangen, på grensa mellom Hedalen og Hallingdalen, ei heil natt for ikkje å sovne. Men til sist datt han ned. Barn:

1. Anne f 1861 d 1871.
2. Berit f 1862 d 1863.
3. Isak f 1864 gm Maria frå Nes i Ådalen, sjå Barlund 39/55.
4. *Peder* f 1867, neste husmann.
5. Berit f 1870 gm Peder Klevgård, Etnedal.
6. Anders f 1872, til Amerika.
7. Anne f 1878 gm Trond Ivarson Milevasslie.
8. Gunhild f 1883 d 1885.

Peder Haldorson f 1867 d 1962 var husmann etter foreldra, g 1899 m *Sigrid Narvesdotter Skogstad,* søre Håvårdsonplassen under Skaro, f 1869 d 1959. «Per i Moe» var ein kjend fangst- og veidemann i Sør-Aurdal, og gjorde tallause turar til fots i alle fjell i Valdres og vidare. I ei årrekkje var han ekstramann på jarnbanen, og var elles i tømmerskogen om vinteren. (Valdres 15.1.1952.) Barn:

1. *Haldor* f 1900, eigar etter broren.
2. *Nils* f 1902 d 1965.

I 1947 vart Moen utskild som sjølveigarbruk. *Nils Moen* var den siste som budde på og dreiv Moen som gardsbruk. Deretter overtok broren *Haldor Moen* f 1900 d 1979 gm *Margrethe Simensen,* Bagn, f 1914 på Gran. Dei flytta i 1949 til bustadhuset Solberg, utskilt frå Jukam, og dyrka poteter og hadde kjøkenhage på Moe. Barn:

1. Sverre Petter f 1935.
2. Enok f 1940 gm Tove Berg, Stange, busette i Oslo.

Bygningen på Moe er frå om lag 1950, medan låve, skåle og stabbur er

gamle. Haldor Isakson selde ei seter på Veståse.

Haugen

Haugen, også kalla Mohaugen, var ein liten heim i hellinga mot Begna, om lag 300 m sør for Kyrkjebjørgo.

Her budde seinast frå 1833 *Hallstein Olson Kyrkjebjørgeige* f ca. 1805 g 1833 m *Andrea Knutsdotter Maslangrudeige* f 1807 d 1891. Barn:

1. Kari f 1833 gm Amund Olson Brue, sjå Brue under Ellendshauge. I 1857 fekk Kari ei dotter, Anne, med Knut Timannson Plassen under Maslangrud.

Frå Moen, husmannsplass under Kyrkebjørgo til 1947. Bak bordet Peder Haldorson — den kjende veidemannen «Per i Moe» — f 1867, kona Siri Narvesdotter f 1869, og sønene Haldor f 1900 til høgre og Nils f 1902 til venstre, alle i finklede for fotograferinga. Stugu i Moe hadde raustetak. Plassen er ikkje stor, men stugu er velflidd og i orden. I høgre hjørne står ei seng med eit ullteppe over. Over senga ei rohylle med hyllebord. Veggen ser ut til å vera kledd med avispapir. I venstre hjørne stikk ein dragbenk fram. Foran tallikrekkja til venstre er drage eit forheng. Skåpet kan vera skaffa i seinare tid. Stasbordet med høge bein, kalla kammersbord, er pynta med finduk. På bordet står kaffikoppar, sukkerfat og fløytekopp med skei i. På duken ligg ein kvit «salvett» — ein serviett eller liten duk.

2. Ola f 1835 gm Marit Pålsdotter Skinnrudbrøtin, sjå Julsbakkatn under midtre Jukam.
3. Kristine f 1841, fekk i 1874 sonen Hans med Johan Erikson Øydgardseige frå Bruflat.
4. Knut f 1847 gm Ingebjørg Olsdotter, sjå London under Sørbøen.

I 1865 var Andrea Knutsdotter husmannsenkje med jord, men i folketeljingane seinare er plassen ikkje nemnd. I 1892 stod ein låve her, som Ole Klosbøle reiv. No er Haugen hamne. Det syner tomter etter hus.

Grolie

Grolie, før også kalla *Kyrkjebjørglie* eller berre *Lie,* var den øvste plassen under Kyrkjebjørgo.

I 1836 fekk dei fyrste kjende husmannsfolka, *Anders Gudbrandson* og *Anne Ivarsdotter,* kontrakt på plassen for levetida si av Lars Knutson Kyrkjebjørgo. Anders og Anne hadde før vore på ein plass under Rustøen i Liagrenden, og i 1838 fekk dei kontrakt på plassen Rustøbakkin, sjå der om dei.

Leiga for Grolie var å arbeide 9 dagar straks etter 14. april, slå 12 dagar, skjera 3 mål skur, arbeide 8 dagar om hausten og 12 om vinteren.

Arne Knutson frå ein plass under Koparviken, f ca. 1793 g 1815 m *Gro Hallvorsdotter Sørflatseige,* heimdre Erstadbrøtin 33/19, f 1787 d 1852, er nemnde i Grolien frå slutten av 1840-åra. I 1816 er dei nemnde i Lien og frå 1818 på Bagn eller Bagnseige. Barn:

1. Gjartrud f 1816 d 1832.
2. *Knut* f 1818, neste husmann.
3. Hallvor f 1821 gm Anne Johannesdotter, sjå Snertum 19/1.
4. Ingrid f 1825 gm Ola Olson Hippeseige.
5. Tåmås f 1828 gm Olea Olsdotter Stugardsjordet, sjå Grøvsdokka 84/10, til Amerika 1881.
6. Olea f 1831 d 1831.
7. Mogleg Trond. Ein Trond Arneson fekk i 1852 dottera Kari, d 1852, i Kyrkjebjørglien med Ingrid Olsdotter.

Knut Arneson f 1818 d 1890 g 1848 m *Ingrid Olsdotter Bøenseige,* Bøenslie 11/9, f 1820 d 1889. Barn:

1. Gjartrud f 1849 d 1853.
2. Kari f 1851 gm Arne Halvorson Langedrag, budde i Pisla under Klosbøle.
2. Anne f 1854 gm Halvor Halvorson Bjørgo.
3. *Ola* f 1857, neste brukar.
4. Gjertrud f 1860 d 1887 i Brenningen, Nord-Aurdal, gm Ivar Halvorson Langedrag.
5. Arne f 1863 d 1888.

Sonen *Ola Knutson* gm *Anne Marie Bjørnsdotter Song* kjøpte Kyrkjebjørgmyre 35/5 i 1895, sjå der.

Dei siste som budde i Grolien i lengre tid, var *Kari* og *Gunnar Bergli.* Dei er nemnde i Grolien 1896—1902 og på Bergli 36/8 frå 1906, sjå der.

Jordvegen på om lag 10 da. på god jord blir brukt av Kyrkjebjørgo. Då jarnbanen kom, vart jordet delt i to og

Grolie slik husa stod sidan 1905 då jarnbanen kom og delte jordet i to. Husa vart rivne i 1980/81.

låven måtte flytjast. Både låven og den gamle stugu vart rivne i 1980/81. I seinare tid vart det laga fjøs i søre delen av låven. Nytt våningshus vart oppført i 1982, og er delvis på bortleige.

Kyrkjebjørgeige

Gudbrand Erikson gm *Sesel Tøsteinsdotter* er nemnde på Kyrkjebjørgeige i 1765 og -69. I 1801 var dei husmannsfolk under Bjørgo. Barn på Kyrkjebjørgeige:

1. Erik f 1765.
2. Beret f 1769, mogleg d 1770.

Ola Olson Nedrebøen, Bøle bruk II, f 1759 d 1840 g 1793 m *Kari Olsdotter Dølve,* Dølve bruk I, f 1765 d 1845, var båe legdsfattige då dei døydde. Ola var kalla Kyrkjebjørgo og Kari Kyrkjebjørgeige. Dei var på Bøle i 1794 og -97,

på Jukamseige i 1800 og -12, men på ein stad under Kyrkjebjørgo i 1817. Barn:

1. Ola f 1794.
2. Ola f 1797 gm Kari Olsdotter Dølveseige, sjå Dølvesbrøtin 48/10.
3. Arne f 1804.

Aslak Aslakson frå Hølle bruk II, f 1775 var på Kyrkjebjørgeige då han i 1816 gifta seg med *Astrid Knutsdotter Skinnrud* f 1768 d 1856 i Austegardslien.

Gudbrand Amundson, truleg frå Smedsrud og f 1781, sannsynlegvis identisk med den Gudbrand Amundson som var innerst i Dølvesetren og drukna i Begna i 1855, g 1815 m *Siri Amundsdotter,* kan hende frå Øydgarde og f 1776, d 85 år gamal som innerst i Dølvesetren i 1860. Dei er nemnde på Kyrkjebjørgeige 1815—1818. Barn:

Amund f 1816 d 1818.

Guri Embreksdotter, Navrud, f 1749, var enkje på Kyrkjebjørgeige då ho i 1815 gifta seg opp att med *Lars Andersson Tonseige.*

Kyrkjebjørgo, ukjend bustad

Ola Toreson fekk i 1693 sonen Tore.

Erik Embrekson gm *Kari Olsdotter* fekk i 1746 dottera Beret og i 1757 dottera Anne på Kyrkjebjørgo.

Jens Hallbjørnson f Landmark 1714 var på Kyrkjebjørgo då han i 1749 gifta seg opp att med *Gjartrud Tørrisdotter,* kan hende Jukam, ukjend bustad og f 1714. I dette ekteskapet er oppført to barn på Kyrkjebjørgo, Ola f 1750 og Tørris f 1752. I januar 1749 er det også gravlagd ein Jens Hallbjørnson Kyrkjebjørgo, 26 år gamal.

Ola Eivindson fekk i 1808 sonen Eivind med *Anne Larsdotter.*

I 1809 gifta *Erik Jensson Kyrkjebjørgo* seg med *Marit Kristafersdotter.*

Jukam

Gamalt matrikkelnr. 150, gamal skyld 8 skinn, i 1744 auka med 6 lispund tunge.
1838: **Nytt matrikkelnr. 33, ny skyld 9 dalar 1 ort 22 skilling.**
1888: **Gardsnr. 36, skyld 24 mark 50 øyre.**

Dei tre Jukamsgardane — nedre, midtre og øvre Jukam — ligg lunt i sørvende bakkar med tuna 340, 400 og 440 m o.h. Jordvegen på nedre og øvre Jukam er noko brattare enn på den midtre garden, som ligg i slakare helling på eit platå innafor Jukamsberge.

Innmarka til dei to øvre gardane har ein del fjell i dagen, og i Jukamskoge er det mykje knausar og bratte berg. Dette berglendte terrenget har gjeve garden namn. Norske Gaardnavne meiner at Jukam kjem av gamalnorsk *Knjúkhamarr*. Fyrstelekken er *knjúkr* m., høgt og steilt, rundaktig berg, og sistelekken ei avstytting av gamalnorsk *hamarr* m., hamar, i stadnamn vanligvis brukt om ein steil klippe eller bergvegg. Professor Mikjel Sørlie er skeptisk til denne tolkinga av sistelekken. Han føreslår at Jukam kan vera eit heim-namn, og viser til eldre skriftformer som «Jochim», «Jocum» og «Juckumb». Det opphavlege gardsnamnet kan då ha vore *Knjúkheimr*. Ut frå heim-namna elles i Valdres må ei slik tenkt lydutvikling — frå *heimr* til *am* — likevel bli usikker.

Jukam grensar i aust mot Bagn, går i sør og vest ned til Begna og grensar i nord mot Kyrkjebjørgo.

Å døma etter korleis garden ligg til, må Jukam vera yngre enn den eldste busetnaden nede i Øystre Bagn. Men før nedgangen i seinmellomalderen la garden øyde, hadde her nok vore drift i fleire hundreår. Den fyrste opplysninga om ny busetnad etter øydetida er frå 1557. Dette gjeld nok nedre Jukam, for av ei jordebok i 1616 går det fram at øvre Jukam då vart brukt under nedre Jukam. Nedre Jukam hadde også størst skyld av dei to. I omtakseringa i 1595 av nyleg opprydda øydegardar er båe Jukamsgardane nemnde: øvre Jukam og *Jukam øde*. Jukam var skattemessig klassifisert som øydegard.

På bruket Rosenlund ned mot Begna er det funne to sigdblad av jarn frå yngre jarnalder, som vitnar om gamal jordbruksbusetnad. Ein pilespiss er funnen på øvre Jukam. På midtre Jukam, nær det noverande tunet, kom nokre jarnsaker, som ein trudde skreiv seg frå ei smiu, for dagen i 1890-åra. I *Sylvbergsdale* på midtre Jukam vart det kjende Jukamskrinet funne, truleg på 1700-talet. Jukamskrinet er tidfesta til mellomalderen, er av tre og har vakre utskjeringar i loket og på langsidene. Ettertida har spunne segner om skrinet og korleis det vart funne, m.a. vil tradisjonen ha det til at det var fylt av sylvpengar. I 1853 vart Jukamskrinet gjeve til Universitetets Oldsaksamling i Kristiania.

Tiende *1661:* 3/4 tønne bygg, 1/2 setting rug. Tiende *1666:* 1/2 tønne bygg, 1 setting rug. Matrikkel *1667:* Nesten all skog er uthoggen, men framleis finst nokre tylfter sagtømmer. Garden har ein liten humlehage. Matrikkel *1723:* Måteleg lægje, men steinut jord. Det er skog til husbehov og

årleg kan avvirkast to—tre tylfter sagtømmer av gran og furu. Ei seter i allmenningen gjev fire lass høy. Garden har ei flaumkvern, ei flaumsag og fire husmenn som kvar sår ei skjeppe og før eitt naut. Skyldsetjing *1744:* Øvre og nedre Jukam ligg kvar for seg og har inga sameige. På øvre Jukam kan dei så 3 tønner, fø 2 hestar, 9 kyr, 3 kviger, 18 sauer og det er 16 mål god åker. Båe gardane har skog. På øvre Jukam vart skylda auka med 5 lispund tunge. Nedre Jukam kan så 3 tønner, fø 2 hestar, 8 vaksne krøter, 4 kviger og 24 sauer. Åkeren var 12 mål. Skylda vart auka med 1 lispund. Matrikkel *1761:* Fem husmenn, pengane til skattar og utgifter kjem både frå jorda og skogen. Matrikkel *1782:* Fire plassar.

Alt i mellomalderen må Jukam ha vore delt i to bruk, *øvre* og *nedre* Jukam. I futerekneskapen 1629 er brukt nemninga *lille* Jukam om øvre Jukam, men det er uvisst om namnet har eldre røter eller må tolkast som ein karakteristikk av underbruket under nedre Jukam.

Øvre Jukam vart delt i 1779 i øvre Jukam bnr. 1 og midtre Jukam bnr. 4. Frå øvre Jukam vart Hundehengja bnr. 2 utskild i 1864 og Rosenlund bnr. 7 og den gamle plassen Klovutn som Bergli bnr. 8 i 1890. Frå *nedre Jukam* vart Storebruføssen bnr. 6 utskild i 1841 saman med eit areal frå Bagn, og seinare kalla Fjellheim. Dei gamle plassane Kleive og Hølvegen vart utskilde i 1920 og 1938, den fyrste som bnr. 15 og den siste som bnr. 21.

Setrar *1935:* Øvre Jukam bnr. 1: Blomstølen, sumarseter, ikkje i bruk og Briskevøllen, i bruk. Midtre Jukam bnr. 4: Vøllasetre, sumarseter, i bruk. Nedre Jukam bnr. 5: Bukfyll, sumarseter, i bruk. Bergli bnr. 8: Krokeslette, sumarseter, i bruk.

Øvre og nedre Jukam hadde haustseter på skogteigane sine opp mot Jukamsknatte.

I ei sak om setrar på Veståse i 1714, der også oppsitjarane på øvre og nedre Jukam var innstemna, blir det opplyst at Jukam lenge har setra på Langsetren, sjå innleiinga om Bagnsgardane.

I 1720 stemna Tøstein Olson Bagn og Ola Olson nedre Jukam Alv Trondson Leistrud fordi han hadde teke setra som dei hadde rydda og inngjerda på Skrikkarvølle i allmenningen. Alv meinte at han hadde hevd på Skrikkarvøllen.

Av dei mange husmannsplassane på Jukamsgardane vart fleire rydda ganske tidleg. I 1723 var det fire plassar, i 1782 fire, i 1801 var det seks husmenn med og ein husmann utan jord, og i 1865 ni plassar. Øvre Jukam hadde i 1865 plassane Klovutn, seinare Bergli, og Hundehengja. Under midtre Jukam var Brennutn, vanlegvis omtala med dativforma Brenno, og Bakkatn, og under nedre Jukam var Kleivabrøtin, Hølvegen, Skinnarbrøtin, Lie og Kleive. Av desse ni plassane vart berre tre utskilde som sjølveigarbruk: Klovutn som Bergli bnr. 8 i 1890, Kleive som bnr. 15 i 1920 og Hølvegen som bnr. 21 i 1938. Dei andre vart utlagde i utmarka. I fyrste halvdel av 1700-talet er ein plass under det gamle øvre Jukam omtala som *Brøtin,* og i same tidsrom høyrer me om *Jukamsbakkatn* eller Jukamsbakkin under nedre Jukam. Dette kan ha vore plassar som seinare er kjende under andre namn eller vart nedlagde.

Det har vore mykje samarbeid mellom Jukamsgardane. Lærar Geirtrud

Karlsgot, f 1866 på midtre Jukam, fortel: Alle Jukamsgardane gjette saman både heime og på åsen, men kvar gard hadde sin gjetar og sitt fjøs. Bølingane gjekk saman. Dei vart jaga til hamna saman og heimatt saman. Gjetarane samarbeidde. Då var det ikkje så audsleg for dei, og dei kjende seg tryggare. Nedre og midtre Jukam hadde tømmerrenne saman, kalla *Karihusrenna.* Renna tok til ved Jukamhaustsetre med fine vollar. Dei to øvre Jukamsgardane hadde badstugu og smiu saman.

Den nedre delen av gardsvegen til midtre og øvre Jukam vart omlagd litt før 1950 og den øvre delen i 1971. Siste gongen vart det bygt felles veg, før hadde gardsvegane vore åtskilde i den øvre delen. Frå om lag 1970 har øvre og midtre Jukam også skogsbilveg saman.

I 1651 vart Jukam utpeika til postgard. Etter oversynet over postgardane i Aurdal i 1689, heiter det at Jukam fører posten annakvar veke over Aurdalsskogen til Diserud, ei avstand på 1 mil og 3 fjerdingar etter det nye vegmålet, men 2 mil og 3 fjerdingar før.

I 1770 var det ikkje skore noko på ei sag som høyrde til den eine Jukamsgarden fordi saga ikkje var i stand. I juli 1821 var det synfaring på Jukamssaga i Jukamsbekke, som dei tre Jukamsgardane kvar åtte ein tredel i. Saga hadde ikkje vore i bruk dei siste ti åra, men no ville eigarane setja ho i stand. Lagretten fann at det var ei lita flaumsag. For det meste ville ho mangle vatn, slik at i eitt år kunne ikkje skjerast meir enn to tylfter tømmer. I 1834 vart Jukamssaga skyldsett. Eigarar var Kristafer Hansson nedre Jukam, Per Olson øvre Jukam, Ola Steingrimson og Arne Olson Bagn. Saga hadde før stått i Jukamselven — Jukamsbekken, no Sagbekken — men dei hadde flytta ho til Begna tett nedafor Storebruen. År om anna kunne ein skjera om lag fire tylfter tømmer.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	9	25	34

	Bondefolk	Tenestefolk	Husmannsfolk	Handverksfolk	Arbeidsfolk	Fattigfolk	Andre	
1782	12	7	9				8	36
1801	21	3	21				1	46
1865	22	9	41	1	3	1	4	81
1900	38	3	21	4			2	68

Husdyrhald, utsæd og avling 1657—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1657	1	10	21			
1667	1	14	15	1 3/4		
1723	1	14	14	3 1/4		
1761	3	35	66	8 3/20	35 7/10	21 lass
1782	1	19	44	5 1/2	28	64 lass
1866	4	28	54	18 1/2	96	236 skpd.
				korn		
				32	173	
				poteter		

Eigarar

Øvre Jukam høyrde frå gamalt til Reinli kyrkje. I jordeboka til Stavanger stift frå ca. 1626 er øvre Jukam oppført med 1 skinn til kyrkja. I skattematrikkelen 1647 eig kyrkja 2 skinn, som kyrkjeparten også var seinare. Kyrkjegodset i Aurdal vart selt til Ringsaker allmuge i 1723, og dei selde same år til prost Andreas Morland. I 1724 selde han til oppsitjaren. I ei jordebok i 1616 heiter det at soknepresten var bygselrådig over nedre Jukam, men i 1647 og seinare var nedre Jukam bondegods.

Bruk, husmannsplassar og bustadhus

I 1557 måtte *Trond* på Jukam betala ei ku for han ikkje ville gjera skyss. I 1612 og -13 er *Jon* brukar etter landskattelista, og frå 1614 til -30 kjem *Henrik*. Frå 1631 til -43 er *Ola* brukar. Etter futerekneskapen 1630—31 betalde *Ola Nilsson* 1 rd. i fyrstebygsel for 1 skinn kyrkjegods i øvre Jukam, men seinare er det berre tale om *Ola Jonson*. Frå 1644 kjem *Torger Jonson,* som er ført som brukar til inngangen av 1660-åra. I 1644 eig *Marit Jukam* 1/2 hud, ho var kan hende enkje etter Ola Jonson.

I kvegskattelista 1657 er Jon — *Jon Gunnarson* — brukar, men eig 1/2 hud allereie etter odelsskatten 1651. Jon Gunnarson, f ca. 1614, er i landskattelista nemnd som brukar til 1671. I 1666 selde Endre Olson Kolterud frå Land og syskena hans 1/2 hud — nedre Jukam — til Jon Jukam for 40 rd. Barn som me kjenner:

1. Ola f ca. 1643 gm Anne Ivarsdotter Bagn, sjå øvre Jukam.
2. Gunnar, ei tid på nedre Jukam.

Frå 1671 til -82 er *Ola* brukar av heile Jukam etter landskattelista, frå 1683 til -89 kjem *Jon,* i 1691 og -92 *Ola* og *Gunnar,* og på slutten av tiåret berre *Ola* att.

I 1692 selde Endre Olson Kolterud i Land og kona Anne nedre Jukam til *Ola Erikson Ton,* som var trulova med dotter til Endre, *Beret Endresdotter*. 5

skinn var tilfalne Endre Olson som arv, og 1 skinn høyrde til syster til Endre, Helga Olsdotter Jukam. Ola og Gunnar Jonsøner Jukam, som budde på garden, skulle flytja innan våren 1694. Gunnar høyrer me seinare ikkje meir om, men broren Ola var brukar på øvre Jukam.

Øvre Jukam

Ola Jonson Jukam f ca. 1643 d 1723 gm *Anne Ivarsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk III, f ca. 1657 d 1729. Barn:

1. *Ola* f ca. 1688, neste brukar.
2. Henrik f ca. 1690 d 1723. I 1720 bygsla Henrik, som då var soldat, halve garden eller 1 skinn, som broren hadde overlate han.
3. Helga, truleg dotter til Ola og Anne, fekk i 1703 dottera Kjersti med Tåmås Jonson Piltingsrud. Kjersti gifta seg med Gudbrand Amundson Jukam, sjå Brøtin under øvre Jukam.

Ola Olson f ca. 1688 d 1765 fekk bygselsetel i 1713. Foreldra skulle vera på garden i levetida si. I 1724 kjøpte Ola øvre Jukam av prost Andreas Morland for 100 rd. Ola var g 1. 1710 m *Marit Mikjelsdottter Roo,* nedre Roo 15/1, f ca. 1689 d 1748. På skiftet etter Marit i 1748 var bruttoeiga 475 rd. og nettoeiga 368 rd. Barn:

1. *Ola* f 1710 g 1. m Guri Olsdotter nedre Jukam, sjå der, g 2. m Beret Toresdotter, brukarar på øvre Jukam.
2. Anders f 1713.
3. Anne f 1716 d 1734.
4. Embrek f 1719 gm Anne Knutsdotter Klauvrud, sjå nedre Roo 15/1.
5. Mikjel f 1721.
6. Mikjel f 1722 d på Jukam 1797.
7. Anders f 1725 gm Anne Olsdotter Skinnrud, sjå Skinnrudeige.
8. Jon f 1728 gm Randi eller Ragnhild Narvesdotter, sjå Jukam, ukjend bustad.
9. Ivar f 1730 g 1. m Marit Olsdotter, g 2. m Beret Aslaksdotter Åbjørseige, sjå båe gonger Hundehengja 36/2.
10. Kari f 1731 d 1731.
11. Hans, oppgjeven som bror til Mikjel i 1755, gm Barbro Andersdotter, sjå Jukamseige.

Ola Olson g 2. 1758 m *Jøren Tåmåsdotter nedre Roo.* Jøren g opp att 1768 m *Nils Nilsson Landmark.*

I 1729 stemna Per Knutson Haugen på Jukamseige Ola øvre Jukam for overfall. Ola klaga Per for å ha hogge på eigedomen hans, men vitne kunne prove at Ola hadde overfalle Per. Ola vart dømd til ei bot på 18 lodd sylv og til å betala 10 rd. til Per og i sakskostnad.

I september 1748 vart Ola øvre Jukam stemna av Tøstein Tåmåsson Skar om ein kontrakt om makeskifte, som det ikkje vart noko av.

Tøstein Skar skulle flytja til øvre Jukam, Ola Jukam til nørdre Ton, og Tøstein gje 100 rd. i mellomlag fordi øvre Jukam var best. Den som ikkje ville halde kontrakten, skulle betala 50 rd. til den andre, deretter skulle avtala gjennomførast.

Kontrakten var inngått på plassen Jukamsbakkatn under nedre Jukam nokre dagar etter at kona til Ola, Marit Mikjels-

dotter, var død, men ikkje gravlagd. Ola hadde nekta å ta imot dei 100 rd. Han sa at han ikkje rådde over garden før skiftet etter Marit var slutta. Deretter kunne dei akkordere med sonen Ola nedre Jukam, som skulle ha garden.

Ola øvre Jukam stemna imot, og førte vitne for å prove at han var drukken då handelen skjedde og difor ikkje bunden av kontrakten. Ola ville ha Ambjørg Mikjelsdotter på Jukamsbakko til å vitne om at han alt var temmeleg påseila då han kom dit saman med snikkaren som hadde laga likkista til Marit. Der bad han om eit glas brennevin for å gje snikkaren. Til Jukamsbakko kom også Tøstein Skar, og dei drakk fleire gonger og kjøpskål etter handelen. Ambjørg Mikjelsdotter opplyste at ho ikkje heldt kro eller vertshus på Jukamsbakko — det var ulovleg utan løyve — men reisande «kan få kjøpt etter forlangende et glass brennevin til nødtørftighet.» Håvård, dreng på Kyrkjebjørgo, vitna om at same dag som handelen skjedde, kom Ola til han på Kyrkjebjørgo om morgonen og kjøpte 6 potter brennevin, drakk 1 1/2 pæl med Håvård og var drukken då han drog derifrå. Ola Ivarson Tørrhaug, som møtte Ola i slede på veg frå Kyrkjebjørgo, stadfesta forklaringa.

Tøstein Skar ville at Ola Jukam, som hadde brote kontrakten, skulle betala dei 50 rd. samt sakskostnaden. Ola øvre Jukam kravde frifinning på alle punkt. Dommen vart utsett, men seinare høyrer me ikkje meir om saka. Det kan tyde på at dei kom til forlik. Iallfall vart øvre Jukam framleis verande i slekta til Ola Olson.

I 1751 selde Ola halve garden for 120 rd. til eldste sonen *Ola Olson nedre Jukam* f 1710 g 2. 1755 m *Beret Toresdotter.* I 1766 selde enkja Jøren Tåmåsdotter, som budde på Roo, og dei andre arvingane resten av garden — 1 skinn og 3 lispund — som dei hadde arva på skiftet etter Ola øvre Jukam i 1765, til Ola for 350 rd. Ola og Beret høyrer me ikkje meir om.

Frå 1770 er dottera til Ola frå det fyrste ekteskapet med Guri nedre Jukam, *Anne Olsdotter* f 1735 d 1802 g 1764 m *Hallvor Knutson Klauvrud,* nemnde på Jukam og øvre Jukam. I 1765 og -67 var dei på Roo. I 1779 selde Hallvor Knutson halve garden eller 1 skinn 3 lispund — midtre Jukam bnr. 4 — til Andreas Hansson, og i 1784 selde Hallvor den parten han hadde att — øvre Jukam bnr. 1 — til Jul Gunnarson Bjørgo. I 1801 var Hallvor og Anne husmannsfolk på ein plass under nedre Jukam, og døydde der. Barn:

1. Guri f 1765.
2. Arne f 1767 gm Siri Knutsdotter Framgarden, sjå Jukamseige.
3. Marit f 1770 d 1784.
4. Knut f 1772 gm Siri Olsdotter Leistrud, husmannsfolk på ein plass under Klosbøle i 1801.
5. Beret f 1776 gm Anders Olson Tonseige, dei fekk sonen Ola på Kyrkjebjørgo i 1808.

Øvre Jukam bnr. 1

Jul Gunnarson Bjørgo f 1744 d 1826 kjøpte bnr. 1 i 1784 av Hallvor Knutson for 599 rd., gm *Anne Olsdotter* f ca. 1757 d 1835. Ved skiftet etter Jul i 1826 var bruttoeiga 20 spd. Barn:

1. Ingebjørg f ca. 1782 g 1. m Hølje Olson Nedrebøen, sjå Bøle bruk II, g 2. m Anders Henrikson Ton, sjå Humleberg 35/3. I 1805 fekk Ingebjørg ein son, Ola, d 1809, med Ola Timannson Merket.

Tunet i øvre Jukam før 1870.

2. Lussi f 1784 d 1786.
3. Gunnar f 1786 d 1787.
4. *Gunnar* f 1788, neste brukar.
5. Ola f 1791 gm Marit Hansdotter Jukam, sjå Jukamseige.
6. Lussi f 1794 gm Erik Arneson søre Dølvesetre.
7. Dordi f 1796 d 1798.
8. Erik f 1800 g 1. m Marit Arnesdotter Dølve, sjå Koparvikbrenne 50/2, g 2. m Anne Olsdotter Bagnsbakkin, sjå øvre Dølvesbergatn 48/3.

I 1788 selde Andreas Hansson på midtre Jukam og Jul Gunnarson kvernfallet til Jukam i Reinun til Mikjel Olson Torsrud for 12 rd.

Gunnar Julson f 1788 d 1859 kjøpte garden av faren i 1811 for 1200 rd., g 1816 m *Siri Olsdotter Nedrebøen,* Bøle bruk I, f 1796 d 1877. Barn:

1. *Jul* f 1817, neste brukar.
2. Anne f 1818.
3. Ingrid f 1821 gm Anders Knutson Kyrkjebjørgo.
4. Ingebjørg f 1823 gm Svein Olson Sørbøen, sjå Flatåker 39/7.
5. Ola f 1826.
6. Marit f 1829 d 1849.
7. Ola f 1833 d 1833.
8. Ola f 1834, til Amerika 1862.
9. Knut f 1837 d 1861.
10. Gunnar f 1841 d 1848.

I 1851 selde Gunnar til sonen *Jul Gunnarson* f 1817 d 1869 g 1850 m *Siri Maria Arnesdotter Ellendshaugen* f 1828. Etter at mannen døydde, selde

Gjartrud Ivarsdotter f Leistrud 1818 med sonesonen Elling Juvkam f 1891.

Siri Maria garden i 1870 til stemora *Gjartrud Ivarsdotter Ellendshaugen,* og reiste same år med barna til Amerika. Barn:

1. Gunnar f 1851.
2. Arne f 1853.
3. Siri f 1857.
4. Tøren f 1860 d 1861.
5. Ola f 1862.
6. Knut f 1867 d 1867.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 20 mål ganske god åker og dyrka eng, 28 mål god slåtteng, frå utmark og setrar kom 36 skippund høy, 6 tylfter furu- og grantømmer kunne årleg hoggast for sal, dei lauva 1000 kjerv, og garden var ganske lettbrukt. I 1865 hadde dei hest, 9 naut, 15 sauer, 12 geiter, 1 gris, og sådde 3 settingar rug, 3 1/2 tønner bygg og 5 tønner poteter.

Gjartrud Ivarsdotter Leistrud, nørdre Leistrud 22/4, f 1818 d 1899 g 1842 m *Arne Olson Ellendshaugen* f 1792 d 1880. Barn:

1. Ivar f 1844 gm Anne Johanne Johannesdotter Klæbu, f Ut-Torpet i Brønnøy.
2. Tøren f 1847.
3. Mikkel f 1849 d 1850.
4. Mikkel f 1851 d 1925. Mikkel budde på øvre Jukam all si tid, og var ein svært hendug smed og snikkar. Han laga all slags gardsreiskap og m.a. ei lirekasse. «Mikjel oppi stugun» gjorde den fyrste treskjemaskina som var i øvre Jukam, fortalde Geirtrud Karlsgot. To mann laut dra ho. Maskina vart òg nytta av mange bønder, som leigde ho.
5. Elling f 1855.
6. *Martin* f 1857, neste brukar.
7. Ola f 1861.

Branntakst 1880: 1. Eit våningshus med tre rom i fyrste høgda, tre rom i andre og steintak. 2. Ei bu med vognskjul og stall og flistak. 3. Ein låve med tre rom og flistak. 4. Eit fjøs med bordtak.

I 1883 selde Gjartrud Ivarsdotter til sonen *Martin Arneson* f 1857 d 1954 gm *Randine Amundsdotter Ruud,* Nord-Odal, f 1859 d 1925. Martin Juvkam var ein drivande bonde. Han bygde nytt uthus med låve, fjøs og stall, og ny hovudbygning. I 1934 brann den gamle bygningen og mykje gamalt innbu gjekk med. Ein ny bygning vart reist i staden. Barn:

1. Arne f 1890 d 1895.
2. *Elling* f 1891, neste brukar.
3. Arne f 1896 d 1926.

Martin Juvkam fortalde at ei livaurskone på Jukam bar småstein og sådde på åkrane om våren for at jorda skulle bli varmare og kornet mognast fortare.

Ein dag skulle livaurskona få slakta ein gris. Som skikken var, kom slaktaren tidleg på morgonen. Dei brukte å dra grisen ut etter «trynetog», binde den fast på slaktarkrakken og skjera den i hel. Martin hadde liten lyst til å vera med på dette, og sa han reiste til skogen etter eit lass ved. Han var langt oppe i skogen og leste på, og då han kom til Jukam att, høyrde han at grisen enno skreik.



Martin Juvkam f 1857 med sønene Elling f 1891 og Arne f 1896 kring 1900. Martin har sundagspuss med sløyfe og klokkekjede, gutane har tettknappa trøyer, heimstrikka hosor og heimgjorde sko. Også gutane har luver på hovudet.

Martin hadde ein gong ein tenestegut frå Torpa. Ein morgon Martin kom ut, hadde guten trødd det nyspira kornet heilt flatt med trugar. Martin lurte på kva det skulle vera godt for, og fekk til svar at slik gjorde dei i Torpa. Då kunne dei bruke mindre såfrø fordi det kom opp fleire strå frå same rota — «sirønne» kalla dei det.

Martin Juvkam og Eirik Wold var av dei fyrste i Bagn som hadde slåmaskin, kring 1895. Ole Kristofferson Juvkam fortalde at dei var på nedre Jukam med ein «Viking» og ein «Deering» slåmaskin og skulle prøveslå.

Elling Martinson Juvkam f 1891 d 1963 kjøpte garden av faren i 1938, g 1929 m *Borghild Halvorsdotter Stavedal,* Dønhaug 37/14, f 1901 d 1977. Dei hadde ikkje barn, og i 1966 fekk nevøen til Borghild, Harald Stavedal, skøyte.

Harald Stavedal f 1938, son til Oskar Stavedal og Borghild Stavedal, f Lysen, gm *Johanne Marie Feet,* Kvinnherad, f 1935. Barn:

1. Halvor f 1963.
2. Kristen f 1964.
3. Borghild Marie f 1968.

Øvre Jukam har ca. 45 da. dyrka jord heime og 1000 da. skog. I hellinga mot Begna ligg *Brattåker'n,* vest for tunet *Låveåker'n* og *Låvehaugen,* vest for Låveåkere er *Flate,* i nord, rett opp for tunet ligg *Storåker'n,* ovafor Storåkere, oppe på eit berg med fjell i dagen, ligg *Fjellet,* og ovafor smiun er *Smiudokke.* Før vart det også slått i ein lun dal vest for jordet.



Martin Juvkam f 1857 med stokk, sonen Elling og kona til Elling, Borghild f Stavedal.

Båe våningshusa er restaurerte. Uthuset vart restaurert om lag 1967—71. Ei eldre seter på Blomstøle er ikkje i bruk. Setra som no er i drift, er Briskevøllen og Gofalykkja på Høvreslien, dit vegen er ca. 2,5 mil. Ho vart kjøpt av Elling Juvkam i 1934 av Ole A. Bratrud. Her er nydyrka om lag 60 da. sidan slutten av 1960-talet.

Hundehengja bnr. 2

Hundehengja, oftast kalla berre Hengja, låg på toppen av Jukamsbakko. Namnet kom av at mot vest var det så bratt nedover frå husa, at plassen hang som eit rede på ein bergpynt. Hengja er fyrste gong nemnd i 1730 då ein *Faltin* fekk sonen Tøstein her.

Ivar Olson øvre Jukam f 1730 budde på Hengjun. Han var g 1. 1767 m *Marit Olsdotter Jukam* d 1772. Barn:

1. Ola f 1769.
2. Ola f 1771.
3. Marit f 1772.

Ivar Olson g 2. 1773 m *Beret Aslaksdotter Åbjørseige* f ca. 1744 d 1804 som legdsfattig på Bagnseige. I 1801 budde ho på ein av Bagnsgardane som innerst og fattiglem. Barn:

1. Marit f 1774.
2. Katarina f 1776.

I februar 1779 stemna Hallvor og Andreas Jukam Ivar Hundehengja, husmannen deira, for å fara ulovleg fram i skogen. Saka vart oppteken på sumartinget same år, men utsett fordi Ivar var sjuk og sengeliggjande.

I 1829 gifta *Ola Nilsson Jukamseige,* Leistrudeige, f 1798 d 1863 som innerst på Sørflatseige, seg med *Marit Knutsdotter Dølveseige,* Juve 48/29, f 1806.

Marit Knutsdotter g 2. 1863 m *Ola Person Tronrudeige,* — «Gauken» — sjå Brenne 27/7.

O.L. Kirkeberg fortel om Marit og Ola Hengja: Marit var snartenkt og bestemt, Ola meir langsam både i tankar og vendingar. Marit førte kommandoen. Ofte var Ola viljug til å gjera noko om når Marit hadde uttala seg. Ein høyrde ofte Ola seia: «Ho kjem nok te o gjera om at detta, ho Marit.» Det vart eit mykje brukt munnhell.

Dei dreiv litt jordbruk — avla nokre poteter, ei god tønne bygg og hadde alltid ei ku. Men dei fekk nesten aldri samla nok

høy om sumaren til skikkeleg fôring heile vinteren. Marit gjekk ikring med ei korg på ein kjelke og samla opp hestemøkk på landevegen. Den kokte ho i peisen heime og gav kua. Fann ho ikkje nok hestemøkk, fylte ho korga si med kugjødsel, gjekk til ein av gardane og bytte gjødsla bort mot hestemøkk. Når kua i tillegg kunne få litt høy om dagen og nokre riskvistar, klarte ho seg ei tid. Men ein vinter med fôrmangel kunne ikkje Marit gjera om. Kua levde berre på hestemøkk og riskvister, og døydde av svolt. Ola og Marit hadde det ikkje stort betre sjølv.

Sundag ettermiddag om vintrane brukte mange ungdomar å samle seg for å aka på kjelke i Jukamsbakko. Dei gjekk ofte inn på Hengja for å varme seg. Ola og Marit la dyktig på peisen då.

Då Hengja vart seld, måtte Ola og Marit flytja og fekk tilhald lengre sør i bygda. Ola døydde etter å ha falle på trappa til presten Konow. Marit gifta seg opp att, og fekk felles fattigdom med den nye mannen. Siste gongen O.L. Kirkeberg såg Marit, gjekk ho på landevegen og tagg.

I 1864 vart Hengja utskild som bnr. 2, og tinglyst skøyte fekk *Knut Olson* i 1868. I 1865 var *Nils Knutson* gm *Kari Olsdotter,* sjå London under Sørbøen, husmannsfolk. Dei reiste frå Hengjun til Amerika. Bror til Nils, Ola Knutson — spelemannen «Brøtaguten» — som hadde vore husmann under Klosbøle, døydde på Hengjun i 1867, 72 år gamal.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 4 mål åker og dyrka eng, 16 mål magert slåtteland, og dei lauva 200 kjerv. I 1865 hadde dei 2 naut, 4 sauer, 4 geiter, og sådde 1/2 tønne bygg og 2 tønner poteter.

Knut Olson Leistrudlie, Knutsonlie 22/12, f 1813 d 1892 kjøpte Hengja i 1868 av Jul Gunnarson Jukam, g 1836 m *Gunhild Knutsdotter Hesthagin,* frå Lien i Nord-Aurdal, f 1812 d 1887. Dei er nemnde i Bakkebrøta i 1836 og -40, og i 1865 var dei husmannsfolk i Snøvert under Kallskøt. «Knut på Hengjun», også kalla «Knutson-Knut» etter far sin, Ola Knutson, eller «Bøl-Knut» etter handverket, var ein dyktig og sjølvlært dyrlækjar. Skrinet hans med utstyr og medisin stod alltid ferdig, og han gjekk så snart det kom bod. Knut dreiv som dyrlækjar i over femti år, fekk ei tiltru i bygda som ingen annan og vart rosa av fagfolk. Barn:

1. Ola f 1836.
2. Ingrid f 1840 gm Gudbrand Andersson Haugseige, Bruflat, sjå Snøvert under Kallskøt. Saman med alle barna, med unnatak av dottera Gunhild, som vart att hjå besteforeldra på Hengjun, drog dei til Amerika.
3. Anders. Det er fortalt at han datt av lasset og fraus i hel ein gong han hadde vore i Bjødale etter høy.

Knut Olson selde i 1888 til *Anton Olson Bøhle* gm *Gunhild Gudbrandsdotter,* oppfostra på Hengjun. Dei var på Hengjun i 1888 og -89. I 1890 kjøpte Anton Bøhle Fjellstad 4/2, 6, sjå der.

Husmannsfolk på Hengjun i 1890 og -91 var *Ole Gudbrandson Åbjør* gm *Sissel Pedersdotter* frå Hol. Dei var på Smedsrud sist i 1891, og i 1893 komne til Bergabrøtin 39/34, sjå der.

Ole Halvorson budde på Hengjun då han i 1899 gifta seg med *Johanne Maria Nikolaisdotter Bøhle,* og familien var også på Hengjun i 1900. Dei kjøpte midtre Leistrud 22/8 i 1908, sjå der. I 1900 budde far til Ole, Halvor

Olson, og eit par sysken også på Hengjun. Dei hadde før vore i Hølvege 36/21, sjå der. Halvor var gm Mari Arnesdotter, som gifta seg opp att og kom til Eldebakkatn. Martin Juvkam har fortalt om ei Mari på Hengjun, seinare Mari på Eldebakko, som skulle ha vore uvanleg sterk. Ho bar til all steinen som dei mura kjellar av på Hengjun.

I 1903 selde Anton O. Bøhle til *Ole Andersson Hengja,* Sveinsbrøtin under Åse, f 1871 g 1890 m *Kari Halvorsdotter Knatten,* Hølvegen 36/21, f 1867. Dei er før nemnde på Hengjun 1891 og -97, i Bergabrøta 1895 og i Kølplasse i 1900. Barn:

1. Anders f 1891.
2. Helmer f 1895.
3. Mathilde f 1897.
4. Gunhild f 1900.
5. Olav f 1903.

Ole Andersson selde i 1911 til *Kristian Berglund,* som seinare same år selde til *Olaf G. Bergli.* Olaf Bergli reiste til Canada, og selde i 1927 til *Elling Juvkam* på øvre Jukam.

Nokre år frå 1927 stod Hengja folketom. Men frå slutten av 1930-åra til byrjinga av 1960-åra budde *Anton Olafson Odden,* Bagnsbergatn 37/1, f 1899 g 1923 m *Jenny Karoline Edvardsdotter Hovda,* Etnedal, her. Dei leigde berre husa, medan jorda vart driven av øvre Jukam. Anton og Jenny Karoline er før nemnde på Livorhauge i 1924 og Barlund i 1926. Barn:

1. Bertine f 1924.
2. Oddvar f 1926.
3. Bjørn f 1932.

Jorda på Hengjun er no brukt til beite. Husa som står att, er ei lita, tømra stugu og eit stabbur.

Rosenlund bnr. 7

Rosenlund nede i skråninga mot Begna vart utskild frå øvre Jukam i 1890. Ole Mikkelson Rosenlund fekk skøyte av Martin Juvkam i 1902, men familien budde her iallfall frå 1891. Ved utskiljinga var staden berre nokre slåttar, kalla *Svee,* eller frå øvre Jukam *nedpå Sveen.* Ole Mikkelson hadde vore i Amerika og kalla seg Lundy der. Derifrå var ikkje spranget langt til namnet Rosenlund på den nye heimen.

Ole Mikkelson Rosenlund, Søreng 50/30, f 1843 d 1930 g 2. i Amerika m *Siri Erlandsdotter,* Skarasetre 47/2, f 1846 d 1915, syskenbarn til Martin Juvkam.

Ole Rosenlund vaks opp i små kår på ein husmannsplass i Lundebygden, og måtte tidlig ut for å tene. Då han gifta seg, flytta dei til ein husmannsplass i Hølerseterbygden som låg avsides til. Så reiste familien til Amerika. Ole var der om lag 15 år, men den fyrste kona døydde og etterlet seg fleire barn. Attende i Noreg kjøpte Ole ein øyde plass, bygde nye hus og tok til å rydde og dyrke ulendte og steinfulle bakkar og knausar. Sonen Johan, som er ein flink byggmeister, har også hjelpt til. Ole Rosenlund er særs hendug, flink hjulmakar, snikkar, laggar og tømmermann og elles altmoglegmann. (Valdres 1.11.1923.)

Ole og Siri hadde sonen *Johan Edvard Rosenlund* f 1882 d 1943, som kjøpte bruket av faren i 1912, og var ein kjend byggmeister. Johan Rosenlund var gm *Inger Andreasdotter Røang,* nedre Roo 15/1, f 1879 d 1971. I 1910 fekk han sonen Einar med Bergit

Johannesdotter Hovdet. Barn til Johan og Inger:

1. Sigrid f 1913 gm Sigurd Skytland, Begnadalen.
2. *Olav* f 1915, neste brukar.
3. Ingebjørg f 1917 gm Torolf Bratlie, Lillestrøm.
4. Arnfinn f 1918, til Amerika.

Olav J. Rosenlund f 1915, eigar frå 1943, gm *Paula Solveig Bjerkeli,* Ringsaker, f 1917. Barn:

1. Svanhild f 1942 gm Sverre Granheim, Hønefoss.
2. Johan Einar f 1944.
3. Svein Erik f 1946 gm Jorunn Sæter, Ulnes.
4. Inger Solveig f 1952 gm Gudbrand Sætheren, Nes i Ådal.
5. Ola f 1955 gm Randi Rødningen, Vestre Slidre.
6. Terje f 1955 gm Sissel Tveit, Skrautvål.

Det var krøter på Rosenlund til 1962. Då Bagn kraftverk vart bygt 1959—62, vart om lag 65 da. teke til steintipp for tunnelarbeidet. Olav J. Rosenlund fekk deretter arbeid i kraftverket. Låven og fjøset er frå 1936, fjøset vart restaurert i 1944. Våningshuset frå 1914 vart restaurert i 1970-åra. Stugu som Olé Mikkelson bygde, er flytta til nedre del av tomta. Johan Rosenlund kjøpte setra Briskevøllen frå Sørbøen fyrst i 1930-åra.

Bergli (før Klovutn) bnr. 8

Den gamle plassen Klovutn nord og vest for øvre Jukam låg på ei slette mellom to berg, liksom i ei kløft — ei «klovo». Ved utskiljinga i 1890 vart namnet endra til Bergli, men det gamle namnet lever vidare i stadnamnet *Klovoberget.* Klovutn vart rydda på eit slette av *Erik Eivindson Tørrhaug,* rimelegvis i slutten av 1790-åra. Erik hadde fyrst vore tenestegut på øvre Jukam, etter tradisjonen i sju år.

Erik Eivindson Tørrhaug, Humleberg 35/3, f 1767 d 1848 g 1798 m *Guro Arnesdotter Torsrudkamben* f 1771 d 1850. Barn:

1. Ingebjørg f 1801 g 1. m Ola Andersson Jukamseige, g 2. m Sjugurd Amundson Roo, sjå båe gonger Jukamslie under nedre Jukam.
2. Siri f 1804 gm Ola Ivarson Prestegardseige, sjå Plassen 38/8.
3. Eivind f 1807 d 1873 på Jukamseige.
4. Arne f 1811 d 1811.
5. Inger f 1813 gm Gudbrand Arneson Juve, sjå Juve 48/29.
6. *Arne* f 1818, neste husmann.

Arne Erikson f 1818 d 1889 g 1853 m *Ingrid Olsdotter nørdre Leitet* f 1831 d 1908. Arne Erikson var flink skreddar. Ein gong var brøtningskarar frå Begna oppe og kvilte. Arne sat og sydde, og ein av dei sa : «Du e ferm te o bøte.» Arne og Ingrid var husmannsfolk i 30 år. I 1885 kjøpte Arne Eldebakkatn, og familien flytta dit. Barn:

1. Erik f 1854 d 1926.
2. Gunhild f 1856 gm Knut Haldorson Erstadbrøtin, sjå Bjørke 33/7.
3. Berit f 1859 gm Martin Olson Eldebakkatn.
4. Ola f 1863 d 1863.
5. Marit f 1865 gm Knut Olson øvre Dølvesbrenne.

I 1865 hadde dei 4 naut, 5 sauer, 4 geiter, og sådde 1 setting rug, 12 settingar bygg, 6 settingar blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

I 1887 budde *Andreas Abrahamson Jukrud,* Ådalen, som var snikkar, og kona *Karen Syversdotter* på Klovo. I 1884 var dei på Sørbøen og i 1885 på Tollevsrud. Barn som me kjenner:

1. Gunhild Marie f 1884.
2. Abraham f 1885.
3. Sara Mathilde f 1887.

I 1890 vart Klovutn utskild som sjølveigarbruk med namnet Bergli. Fyrste eigar, utan tinglyst skøyte, må ha vore *Anders Evenson Renden,* som var oppført som sjølveigar i 1891 og dessutan som handverkar og snikkar. Anders, også kalla «Anders i Rennun», var rokkemakar.

Anders Evenson Renden, Renna under Gastgjevarhauge, f 1860 g 1885 m *Guri Olsdotter Ellendshaugen* f 1864. Dei flytta til Moelv. Barn:

1. Anne Maria f 1885.
2. Maren f 1887.
3. Even f 1889.
4. Tora f 1891.
5. Ole f 1893.
6. Magnhild f 1895.
7. Arne f 1897.
8. Halgrim f 1899.
9. Gunnar f 1901.
10. Åsmund f 1901, tvilling med Gunnar.

I 1902 selde Martin Juvkam til *Erik Antonson Tørrhaug* gm *Vilhelmine Oliversdotter.* I 1894 var dei på Hellandshøle, i 1895 i Personsetren og i 1898 og 1900 på Køll. Barn som me kjenner:

1. Anne f 1894.
2. Kristine f 1895.
3. Anton f 1898.
4. Sigrid f 1900.
5. Olga f 1903.

I 1908 fekk *Gunnar Olson,* f 1859 i Djupedal, husmannsplass til Garli i Nord-Aurdal, d 1946, auksjonsskøyte, gm *Kari Olsdotter,* også frå ein husmannsplass til Garli, f 1864 d 1948. Dei kom til Bergli i 1905. Gunnar var murar. Barn:

1. Oline f 1885 gm Andreas Olson Brattebakkin, sjå nørdre Bøle 25/5.
2. *Olav* f 1887, åtte Hundehengja 1911—27, deretter til Canada.
3. Gurine f 1889, fekk i 1925 sonen Alf med Arne Amundson Øverseth, Nord-Aurdal.
4. Thorvald f 1891 d 1909.
5. Nils f 1893, til Amerika 1914.
6. Syver f 1896, fekk i 1917 dottera Katrine med Olave Ellefsdotter. Syver g 1. m Gunda Eriksdotter Kleivabrøtin (Nybo), sjå Rullebakke 26/5, g 2. m Helga Wal, Norderhov, g 3. m Kristine Marken, sjå Rullebakke og Skoglund i Bagn.
7. Karoline f 1898 gm Knut Arneson Pisla, Nord-Aurdal.
8. Gunhild f 1900 g 1. m Einar Iversen, Nes i Ådal, g 2. m Gudbrand Langbråten, Nes i Ådal.
9. Magna f 1902 gm Karl Karlsen, Nord-Aurdal, budde på Pøllo, med nytt namn Lidar.
10. *Edvard* f 1904, neste brukar.

11. Maria f 1906 gm Georg Sundvold, Nord-Aurdal.
12. Ingebjørg f 1909 gm Karl Smith, Oslo.

Edvard Bergli f 1904 fekk skøyte av faren i 1920 og auksjonsskøyte i 1937, gm *Agnes Østgård,* Austegarden 12/10, f 1922. Edvard Bergli har drive som bygningssnikkar i tillegg til gardsdrifta. Barn:

1. *Arvid* f 1940, neste brukar.
2. Anna Karin f 1941 gm Øyvind Svartbekk, Vardal.
3. Torleif f 1942 gm Anne Marie Andersen, Aurdal.
4. Erland f 1943 gm Jorunn Fredriksen, Hønefoss, sjå Granlund 36/52.
5. Dagny f 1947 gm Trygve Jakobsen, Sarpsborg.
6. Turid f 1949 gm Kjell Dokken, Vestre Bagn.
7. Nils f 1954 gm Rita Rude, Oslo.

Arvid Bergli f 1940, eigar frå 1971, gm *Kari Kullhuset,* Aurdal, f 1947. Barn:

1. Mona f 1969.
2. Ole Edvard f 1972.

Bergli har ca. 50 da. dyrka jord. Dette omfattar jorda heime, 12 da., temmeleg bratt, setra Krokeslette på Veståse, som Gunnar Bergli kjøpte i 1919, og Pisla i Nord-Aurdal, på vegen inn til Myre, som er kjøpt til. Her har Arvid nydyrka. Skogen er 150 da.

Det gamle, tømra våningshuset var i ei høgd då Gunnar Bergli kom. Han bygde på den andre høgda, seinare vart våningshuset kledt og restaurert. I 1905 fanst ein gamal, tømra låve og eit gamalt fjøs. Gunnar Bergli bygde nytt fjøs inntil den gamle låven. Edvard Bergli bygde nytt fjøs og låve i 1954, det gamle uthuset vart då rive. I 1976—78 bygde Arvid ny driftsbygning for tolv kyr og i tillegg ungdyr på ei ny tomt lengre nede. Nytt bustadhus 1968. Gardssag 1975. I 1977—78 vart gardsvegen lagd om, den gamle gardsvegen gjekk lengre sør.

Gunnar og Kari hadde som regel tre kyr og hest. Edvard og Agnes hadde som regel fire—fem kyr, ungdyr og nokre sauer.

Slik det var vanleg køyrde Edvard fôret frå setra med hest om vinteren. Det kunne vera hardt både for hest og kar når snøen låg meterhøg i åsen. Islandsbakkatn brukte vera fæle, med staup som var vonde for hestane. Ein gong Edvard kom frå setra, heldt han på å blåse av fôrlasset og ut i Storebruføssen.

Granlund bnr. 52

Bustadhus på tomt utskild frå Bergli i 1972. Her bur *Erland Bergli* f 1943 gm *Jorunn Fredriksen,* Hønefoss, f 1945. Barn:

1. Kari f 1963.
2. Tore f 1965.
3. Marianne f 1967.

Brøtin

I 1725 fekk *Gudbrand Amundson* plassen Brøtin under øvre Jukam i brukeleg pant av Ola Olson øvre Jukam. Truleg var Gudbrand den fyrste her, for då han kom fanst korkje hus eller åker.

Gudbrand Amundson Jukam g 1731 m *Kjersti Tåmåsdotter,* mogleg f 1703 og dotter til Tåmås Jonson Piltingsrud og Helge Olsdotter øvre Jukam. Barn:

Amund f 1733.

Etter pantebrevet plikta Ola å betala Gudbrand for alle forbetringar. I september 1740 var det synfaring på plassen. Ola Jukam brukte Brøtin no, og Gudbrand hadde stemna han fordi han ville ha godtgjersle for kostnaden sin. Vitne forklarte at Gudbrand hadde rydda noko bjørkeskog og annan skog til eng, og lagretten verdsette ryddingsarbeidet til 3 rd. Gudbrand hadde rydda sju åkerstykke på i alt 3 mål, og ei mengd stein var lagd i røyser. Taksten vart 5 rd. pr. mål, i alt 15 rd. Ved taksten på husa vart teke omsyn til at tømmeret var hogge i skogen til øvre Jukam. Husa var: 1. Ei stugu med daglegstugu, kammers, tre vindaugo, pipe, loft, himling i stugu og kammerset og ei sval over stugudøra og ei over loftsdøra. 2. Eit fjøs med trev, partane åtte halvdelen kvar. 3. Ein kornlåve med to kornbrøt og underlåve. 4. Eit nytt eldhus. 5. Ei badstugu. 6. Ein ny vedskåle. 7. Ei smiu, noko gamal. 8. Ei ny lyu nedafor plassen. Taksten i alt vart 50 rd. 2 ort. Ola Jukam tilstod også at han var skuldig Gudbrand 25 rd. 3 ort med renter frå april 1740. Gudbrand sa at han ville stemne Ola til neste ting for dei to summane samt kostnaden ved synfaringa.

Midtre Jukam bnr. 4

I 1779 kjøpte Andreas Hansson Bagn halve øvre Jukam eller 1 skinn 3 lispund av Hallvor Knutson for 500 rd. Både øvre og midtre Jukam hadde i over hundre år husa ståande i ei klynge der tunet til øvre Jukam no er. I åra kring 1890 flytta Ole P. Juvkam husa på midtre Jukam ned til noverande tun. I samband med flyttinga vart det gjort eit makeskifte. Øvre Jukam utvida tunet sitt med noko av gamletunet til midtre Jukam, som fekk att noko skog nede i Bakko.

Andreas Hansson Bagn, nedre Bagn bruk 1, f 1756 d 1834, g 1. m *Barbro Olsdotter Stavadalen,* søre Stavadalen bruk IIc, f 1758 d 1783. Ved skiftet etter Barbro i 1783 var bruttoeiga 476 rd. og nettoeiga 68 rd. Barn:

1. Sofie f 1780 d 1802.
2. Gjartrud f 1782 d 1783.
3. Barbro f 1783 gm Ola Andersson Røang, sjå nedre Roo 15/2.

Andreas Hansson g 2. 1785 m *Kjersti Knutsdotter Framgarden,* Framgarden bruk VI, f 1748. Ved skiftet etter Kjersti i 1822 var bruttoeiga 329 spd. og nettoeiga 290 spd. Barn:

1. Ingebjørg f 1786 g 1. m Ola Larsson Kyrkjebjørgo, sjå Kyrkjebjørgo bruk B, g 2. m Ola Erikson Torsrud, sjå søre Torsrud 30/1.
2. Hans f 1789.
3. Gjartrud f 1792 gm Ivar Ellendson Leistrud, sjå nørdre Leistrud 22/4.

Andreas Hansson g 3. 1823 m *Tøren Knutsdotter Bagn,* sjå Dalen under midtre Jukam.

I 1805 selde Andreas Hansson til *Knut Larsson Kyrkjebjørgo* for 3500 rd. Med i salet var setra Kvålshaugsetre i Bjødale, som seinare var tilkjøpt, men Andreas Hansson heldt att Veslestugusetre i Bjødale, som han hadde kjøpt frå Jukam i brukstida si. Andreas Jukam flytta seinare til plassen Dalen under garden, der han døydde. Dalen vart utskild frå midtre Jukam i 1815.

Knut Kyrkjebjørgo skulle svara livaure til Andreas og Kjersti på 4 tønner stritt bygg, 2 tønner lettkorn, 5 settingar rug, 5 settingar malt, 5 settingar salt, 10 alen strie, 10 alen lerret, 4 par sko, 1/2 matte god engelsk tobakk, røkte 4 kyr og 6 småkrøter og skaffe 4 sauer årleg til slakt. Bak husa skulle livaursfolka ha eit inngjerda åkerstykke. Dei fekk bu i den nørdre bygningen, der kjøparen skulle gjera ferdig ein lukka svalgang.

Knut Larsson Kyrkjebjørgo selde i 1807 for 3500 rd. til *Steingrim Hermannson nedre Jukam,* Bøen 11/12, f 1775 d 1852 g 1798 m *Marit Olsdotter Jukam,* Ølmhus, f 1767. Barn:

1. Kari f 1799 d 1801.
2. Hans f 1801 drukna 1819.
3. Hermann f 1803 drukna 1819.
4. Kari f 1805.
5. *Kari* f 1806, neste brukar.
6. Ola f 1808 d 1810.

Steingrim Hermannson selde i 1825 garden samt Ølnessetre for 400 spd. til versonen *Per Olson Klosbøle* f 1801 d 1880 g 1826 m *Kari Steingrimsdotter* f 1806 d 1848. Ved skiftet etter Kari i 1848 var bruttoeiga 1565 spd. og nettoeiga 1512 spd. Barn:

1. *Ola* f 1827, neste brukar.
2. Steingrim f 1829 d 1850.
3. Tora f 1832 gm Syver Hermannson Hølersetre.
4. Marit f 1837.
5. Siri f 1839 d 1840.
6. Siri f 1841 d 1850.
7. Kari f 1844.

I 1823 makeskifta Steingrim Hermannson setra Bukfyll mot setra Grokløv frå Hermann Olson Kallskøt.

På skiftet etter Kari Steingrimsdotter vart garden utlagd til sonen *Ola Person* f 1827 d 1916 g 1. 1854 m *Gjartrud Embreksdotter Høve,* Høve bruk II, f 1833 d 1858. Ved skiftet etter Gjartrud i 1859 var bruttoeiga 976 spd. og nettoeiga 781 spd. Barn:

1. Kari f 1855 gm Mikkel Olson Bagnsjordet, sjå Navrud 10/2.
2. Peder f 1857 d 1858.

Ola Person g 2. 1860 m *Ingebjørg Eriksdotter Vøll,* søre Vøll bruk I, f 1841 d 1920. Barn:

1. Peder f 1862 d i Sør-Afrika 1897.
2. *Erik* f 1864, neste brukar.
3. Geirtrud f 1866 gm Herman Hermanson Karlsgot, sjå Torshaug 29/3.
4. Sigrid f 1868 gm Mikkel Haraldson Skar, til Amerika.
5. Marit f 1871, til Amerika, gm Tideman Sørlie.
6. Kristine f 1874 gm Per Holme, Gloppen.
7. Gunhild f 1876 gm Anton Thomasson Vold, Etnedal.
8. Ole f 1879 gm Elise Holmboe Olstad, Oslo.
9. Nikoline f 1882 gm Hilmar Schie, Skiptvet.

Geirtrud Karlsgot fortel: «Han far, Ola Person Juvkam, var fødd i 1827. Han gjorde jamt bytearbeid med husmennene sine og andre husmenn. Han hjelpte dei med hest, og dei var hjå han med arbeid. Det var særleg stein- og jordarbeid han fekk hjelp til. Store steinar grov dei ned. Føre fars brukstid brende dei steinane til dei vart heite. Så slo dei på dei kaldt vatn, så dei sprakk i stykker. Far til Ola i Brenno var

Frå midtre Jukam. Dei vaksne er frå venstre: Erik Olson f 1864, foreldra Ola Person f 1827 og Ingebjørg Eriksdotter f søre Vøll 1841, og kona Kari Olsdotter f Tamburgarden 1867. Foran frå venstre barna Per, Kristine og Magna. Bak frå venstre: Ingebjørg, Ottar, Aslaug og Oddleiv. Nikoline, ytst til høgre, er syster til Erik.

ofte med far og minna med krut. Han var så svær til å syngje til feiselslagi:

> «Lat dæ gå! Lat dæ gå! Lat kji bør'n stille stå! Tommin i slage! Dalaren te dage!»

Arbeidet gjekk då med liv og lyst.»

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 26 mål noko vassjuk åker og dyrka eng, 36 mål slåtteland, frå utmark og setrar kom 28 skippund høy, 7 tylfter furu- og grantømmer kunne hoggast for sal, og dei lauva 1000 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 11 naut, 16 sauer, 14 geiter, 1 gris, og sådde 3 settingar rug, 4 tønner bygg og 6 tønner poteter.

Branntakst 1880: 1. Eit våningshus med tre rom nede, fire rom oppe og skifertak. 2. Eit anna våningshus med to rom nede, to rom oppe, svalgang foran og skifertak. 3. Eit stabbur med bordtak. 4. Ei bu med to rom og jordtak. 5. Ein låve med steintak.

Erik Olson f 1864 d 1954 kjøpte garden av faren i 1891, g 1892 m *Kari Olsdotter Tamburgarden* f 1867 d 1942. Barn:

1. Ingebjørg f 1893 d 1978.
2. Ottar f 1895 d 1952 gm Hjørdis Smeby, budde på Gjøvik.
3. *Oddleiv* f 1897, neste brukar.
4. Aslaug f 1899 gm Ole Lundgård, Fåberg, busette der.
5. Magna f 1901 d 1917.
6. Sigrid f 1903 d 1903.
7. Kristine f 1904 gm Ingvar Hermanson Brattrud, busette i Bærum.
8. Per f 1907, biskop, gm Betty Lidén, busette i Oslo.
9. Sigrid f 1910, busett i Lier.

Oddleiv Juvkam f 1897 d 1962, eigar frå 1923, gm *Borghild Nergård,* Eina, f 1899. Barn:

1. *Erik* f 1933, neste brukar.
2. Reidun f 1935 gm Rodny Daeffler, USA.
3. Dag f 1939 gm Marie Solheim, Gol, bur på Gjøvik.

Erik Juvkam f 1933, eigar frå 1960, gm *Ingrid Haugen,* Hemsedal, f 1934. Barn:

1. Borghild f 1965.
2. Oddleiv f 1966.
3. Sigrun f 1968.
4. Ingvild f 1971.

Midtre Jukam har 60 da. dyrka jord heime og 30 da. som er dyrka på Vøllasetren, kjøpt frå søre Vøll i 1881. Setra Blankenborg på Ølnessetren er seld til ein gard i Reinli. Skogen er 1000 da. Namn i innmarka heime er *Harpeåker'n,* som ligg øvst på jordet, like ved det gamle tunet — namnet kjem kan hende frå lindyrking, dei måtte harpe linet, *Gamlemannbakkin* er like nedafor låvehaugen, *Storåker'n* nedst på jordet er den brattaste og mogleg den eldste delen av jordvegen, *Myre* er ei flate nedst på jordet i sør, åkeren ovafor er *Myrebakkin,* ein åker heiter *Guteåker'n,* og *borti Roen* ligg nordaust for tunet, i den spisse vinkelen mellom gamlevegen og gardsvegen til gamlevegen.

Hovudbygningen vart ombygd og påbygd i 1948. Den eldste delen er frå 1880-åra. Livaursbygningen frå det øvre tunet er påbygd etter flyttinga kring 1890. Uthuset er ei blanding av gamalt og nytt. Steinfjøset frå 1882 er restaurert, og låven over er frå 1967. Stabburet er flytta ned frå det øvre tunet, ei smiu er frå noko etter flyttinga. Av skålen og vognskjulet er noko frå 1922 og noko er tilbygt om lag 1970. Gardssag om lag 1943. Tidlegare var det gardssag i *Sagbekke.*

Bakketun bnr. 37

Bakketun er det gamle skulehuset i Jukamsgrenden, utskild frå midtre Jukam i 1950. Etter at skulen vart nedlagd, vart huset kjøpt som bustadhus. Her budde *Marie* og *Osvald Paulsen.*

Einar Solbrekken f 1927, snikkar, gm *Astrid Nora Fauske* f 1935, hjelpepleiar, båe frå Nord-Etnedal, kjøpte huset i 1977. Barn:

1. Ella f 1963.
2. Jan f 1966.

Dalen

Plassen Dalen låg eit par hundre meter aust for tunet, i ein liten dal på austsida av *Halldorsberge,* og var den einaste av plassane under garden som var sjølveigarbruk ei tid.

Ein gong etter at Andreas Hansson Jukam selde midtre Jukam i 1805, flytta han og kona *Kjersti Knutsdotter* til Dalen. I 1813 fekk dotter til Andreas frå det fyrste ekteskapet, *Barbro Olsdotter,* skøyte på Dalen for 50 rd. av Steingrim Hermannson Jukam. Barbro var sinnssjuk og difor skild frå mannen Ola Andersson Røang. Ho skulle ikkje overta plassen så lenge faren og stemora levde, mot at dei underheldt og kledde henne.

I 1815 vart Dalen utskild med ei skyld av 1/3 skinn. På plassen kunne dei fø 2 naut og 6—8 småkrøter. Utsæden måtte dei hakke og grava ned.

Andreas Hansson Jukam d i Dale i 1834 g 2. m *Kjersti Knutsdotter Framgarden,* sjå midtre Jukam 36/4. Andreas Hansson g 3. 1823 m *Tøren Knutsdotter Bagn,* nørdre Dølve, f 1775 d 1832. Ved skiftet etter Andreas i 1834 var gjelda like stor som eiga, 103 spd. Dottera *Barbro* kan vera den *Barbro Andreasdotter Klubberud* som døydde som legdslem i 1864, 80 år gamal.

I 1844 fekk *Ola Sjugurdson* auksjonsskøyte. Men same år selde enkja etter han, *Gunhild Eivindsdotter,* sjå Djupedalen under Sørum om dei, til *Per Olson Jukam.* Det er ikkje nemnt folk i Dale seinare.

Bakkatn

Bakkatn, også nemnd som *Julsbakkatn,* eller sett frå Jukam, *nedi Bakko,* låg ned mot Begna, rett ned for skulehuset.

Dei einaste husmannsfolka me kjenner her, er *Ola Hallsteinson Kyrkjebjørghaugen* f 1835 d 1930 g 1862 m *Marit Pålsdotter Skinnrudbrøtin* f 1841 d 1933. Dei er nemnde på Kyrkjebjørghauge i 1863 og -64, på Jukamseige eller Bakko 1865—84, i Kleivabrøta 1886 og -91, og på nørdre Smedsrud i 1900. Sidan fekk dei sett opp ei lita stugu ved Reinlivegen, Steinsli, der båe døydde, sjå også Steinsli 22/77. Barn:

1. Anna Maria f 1863 d 1863.
2. Halstein f 1864 gm Berte Gudbrandsdotter, Land, busette i Gjøvik.
3. Anders f 1867.
4. Martin f 1869, gift og busett i Amundsfoss, Nes.
5. Anne Marie f 1872 d 1899. Ho fekk i 1896 dottera Mathea, d 1898 i Brustugun, med Harald Hansson Sørflatdokke.
6. Kristine f 1875, dreiv kafé i Nebraska.
7. Ole f 1877 g i Aurdal.
8. Sigrid f 1880 gm Tidemand Gudbrandson Seterbrøtin, sjå Ellevsbakkatn 13/14.
9. Karine f 1884 gm Erik Andreasson Møllersveen, Etnedal.
10. Marit f 1886 g 1. m Even Knutson Nyhagen, Slidre, sjå Rilland under nørdre Haugsrud, g 2. m Knut Andreasson Jensrud, sjå Bekkelund 74/56.

I 1865 hadde dei 4 sauer og 4 geiter, og sådde 2 settingar blandkorn.

Etter at Ola og Marit flytta, kom det ikkje nye husmannsfolk til Bakkatn. Kring 1910 planta skulebarn skog på jordet, og ei tid dreiv midtre Jukam med lauving her. No står skogen tett. Tomtene etter hus vart nedfylte av den søre enden av steintippen frå tunnelen til kraftverket.

Brenno

Brenno låg i solvend helling aust for Brennatjedn, nordaust og opp for garden. Dette var den største av husmannsplassane under midtre Jukam, med 15—20 da. dyrka jord.

I 1854 gifta *Ola Olson Brenno* seg med *Gjartrud Sjugurdsdotter Kyrkjebjørgeige,* sjå under Fekjar.

Anders (Andres) Olson Brenno, Jukamslie under nedre Jukam, f 1833 d 1920 g 1. 1857 m *Tøren Olsdotter Vabrøtin* f 1835 d 1861, er nemnde i Brenno frå 1857. Barn:

1. Ingebjørg f 1857 gm Ole Bjørnson Moen, Nord-Aurdal, sjå Skinnarbrøtin under nedre Jukam.
2. Ole f 1859 d 1863.

Anders Olson g 2. 1861 m *Rannei Olsdotter Brue,* Vøllseige, f 1824 d 1918. Ved gullbryllaupet i 1911 hadde Rannei budd i Brenno i 50 år og Anders i endå fleire. Der hadde dei teke mangt eit tungt tak. Anders hadde vore borte på arbeid både her og der, og trødd belgen i Bagn kyrkje i over to mannsaldrar og under fire organistar. (Valdres 16.11.1911.) Anders var ofte på midtre Jukam og minerte, sjå der. Barn:

1. Tøren f 1863 d 1905.
2. *Ole* f 1865, neste husmann.

I 1865 hadde dei 2 naut, 3 sauer, 6 geiter, og sådde 1/2 setting bygg og 2 tønner poteter.

Ole Andersson Brenno f 1865 d 1957 g 1905 m *Ragnhild Antonsdotter Brustugu,* Etnedal, f 1884 d 1957, budde i Brenno til dei flytta derifrå saman med

Ole Brenno f 1865 og kona Ragnhild f Brustugu, Etnedal, 1884 ved trammen utafor Mariastugun i Bagn, der dei budde på sine eldre dagar. Ole, eller helst Ola Brenno, var ein kjend langeleikspelar.

Anders og Rannei i 1911. Nokre år var dei på Hengjun, frå 1914 til -20 åtte Ole Brenno Personsetre, og seinare budde dei ulike stader. Ole Brenno dreiv som snikkar, var m.a. med og bygde Breidablikk, og var skimakar. Heime i Brenno laga han furuski. I seinare år vart Ole — Ola Brenno — ein kjend langeleikspelar.

Ole og Ragnhild brukte setra Vangen innafor Hedalen, på grensa mellom Valdres og Hallingdal, som dei leigde av søre Grimsrud og Gudbrand Plassen. Der var dei med sine eigne krøter frå Brenno og krøtera frå Grimsrud og Plassen. Barn:

1. Amanda f 1903 gm Gunvald Muldbakken.
2. Ragna f 1906 gm Henry Frydenberg, Drammen, busette i Oslo.
3. Borghild f 1907 gm Johan Adolf Johansen, Ådalen, busette i Bagn til 1964.
4. Aslaug f 1909 d 1969.

5. Andres f 1911, kjøpmann i Bagn, gm Inga Skogstad, Bagn.
6. Olaug f 1914 gm Rolf Olsen, Bagn, busette i Oslo sidan 1963.
7. Kåre f 1916 gm Ruth Olsen, Bagn, busette i Oslo sidan 1939.
8. Asbjørn f 1918 d 1971 gm Anne Eriksen, Begnadalen, busette i Oslo sidan 1938.

Brenno har stått folketom etter at Ole og Ragnhild Brenno flytta. Husa vart nedrivne nokre år etter, og ei tid brukte midtre Jukam jordet til slått. No er plassen skogvaksen.

Enge

Plassen Enge i nordhellinga på oversida av gardsvegen er ikkje nemnd korkje i folketeljingar eller kyrkjebøker. Enge må ha vore fråflytta nokså tidleg, men inntil få år sidan kunne ein sjå hustomter. Sidan 1977 har Erik Juvkam nydyrka 20 da. her.

Nedre Jukam bnr. 5

I 1692 selde *Endre Olson Kolterud* i Land nedre Jukam til Ola Erikson Ton og dotter til Endre, Beret Endresdotter, trulova med Ola Erikson. Då heiter det at *Ola* og *Gunnar Jonsøner* bur på garden. Dei skulle flytja innan våren 1694. I ei åstadsak på nedre Jukam i 1719 vart det opplyst at Endre Olson Kolterud var odelsmann. Endre hadde to døtrer, Helga Endresdotter gm Kristafer Hansson og Beret Endresdotter gm Ola Erikson Ton. Døtrene vart samde soleis at Helga og mannen hennar overtok leiglendingsgodset Kolterud og Beret og Ola Erikson nedre Jukam.

Barn som me kjenner til *Gunnar Jonson Jukam:*

1. Håvård gm Beret Eriksdotter. Dei er nemnde både på Jukam og Leistrud, sjå Midtlie 22/17.
2. Jon f ca. 1670 gm Beret Hansdotter, sjå Jukam, ukjend bustad.
3. Lars f ca. 1692 d 1697.

Ola Erikson Ton d 1711 gm *Beret Endresdotter Kolterud,* Land. Ut frå åstadsaka i 1719 overtok Ola nedre Jukam i juli 1694 og brukte garden til han døydde i 1711. Barn som me kjenner:

1. *Guri* f ca. 1692, neste brukar.
2. Gunhild f 1694 d 1698.
3. Erik f 1696 gm Inger Olsdotter Bagn, sjå Jukamsbakkatn under nedre Jukam.
4. Anne f 1699.
5. Ola f 1701.

Ola Olson Bagn, nedre Bagn bruk II, f ca. 1684 d 1732 gm *Guri Olsdotter nedre Jukam* f ca. 1692 d 1754. Ola Olson kjøpte odelsretten av Kristafer Hansson Kolterud og Helga Endresdotter i 1711. I 1719 vart Ola stemna av verbroren Erik Olson, eldste son til Ola Erikson og Beret Endresdotter, fordi han ikkje ville avstå bruken av nedre Jukam til Erik. Lagretten fann at Erik hadde så liten rett at dei ikkje kunne døme Ola frå garden. Barn til Ola og Guri:

1. Ola f 1712 gm Gunhild Knutsdotter, sjå øvre Brattrud 23/3.
2. Anders f 1713.
3. Ola f 1715 d 1725.

4. Kari f 1717 gm Embrek Mikjelson Navrud.
5. Endre f 1719, i 1754 på Kongsberg.
6. Anne f 1721 gm Amund Olson Sørflate, sjå nedre Sørflate 28/2.
7. Guri f 1723.
8. Gudbrand f ca. 1724 gm Ambjørg Mikjelsdotter Navrud, sjå søre Lie av Leistrud.
9. Inger f ca. 1727 gm Anders Ellendson Tronhus, sjå øvre Tronhussetre 54/5.
10. Ola f 1728 gm Beret Ivarsdotter, fekk husmannssetel på plassen Storberget — Klubbeberget — under Tronhus i 1751, i 1760-åra på ein plass under Landsenden, sjå under Landsenden.
11. Ivar f 1730.
12. Kristafer f 1732 gm Ingebjørg Sjugurdsdotter, sjå Bagnseige.

Guri Olsdotter g 2. 1733 m *Ola Olson øvre Jukam* f 1710. Ved skiftet etter Guri i 1754 var bruttoeiga 495 rd. og nettoeiga 384 rd. Barn:

1. Anne f 1735 g 1. m Arne Andersson Roo, sjå nedre Roo 15/2, g 2. m Hallvor Knutson Klauvrud, sjå øvre Jukam.
2. Ingebjørg f 1738 gm Amund Amundson Smedsrud.
3. Ola f 1740.

Ola Olson g 2. 1755 m *Beret Toresdotter,* sjå øvre Jukam.

I 1736 stemna Ola Brattrud og Ola nedre Jukam Ola Olson Tronrud for å ha selt halvdelen i eit kvernhus i elva ved Bagnsbrue. Ola Tronrud hadde selt delen utan atterhald, sjølv om det var avtala då dei andre selde halve kvernhuset til Ola Tronrud, at dei skulle ha rett til å mala korn til gardane sine utan å betala.

Frå 1747 til -48 var det sak om retten til nedre Jukam. Hans Kristaferson Bagn hadde stemna oppsitjaren Ola Olson m.fl. Alt i 1723 hadde Hans Kristaferson, då på Kolterud, sjå ovafor om far hans, late lyse odelsretten og pengemangelen sin til nedre Jukam. I 1726 pantsette han odels- og åsetesretten for 200 rd. i 27 år til Ola Olson, den fyrste mannen til Guri Olsdotter. Då budde Hans på Vasslia i Land. I november 1748 vart Ola Olson dømd til å flytja frå nedre Jukam når panteåra var gått og betala 16 rd. i sakskostnad i lag med dei andre innstemna. Seinare kom Hans og Ola til forlik om at Ola skulle flytja i 1753 mot at Hans betalde 320 rd. til Ola eller arvingane hans. Ola Olson vart brukar på øvre Jukam, som han hadde kjøpt halvdelen av i 1751. Den andre halvdelen kjøpte han i 1766 etter at faren var død. Til nedre Jukam kom son til Hans Kristaferson, Kristafer Hansson, som kjøpte garden av faren for 400 rd. i 1754.

Kristafer Hansson Bagn, nedre Bagn bruk I, d 1779 g 1754 m *Marit Ellendsdotter Ellendshaugen* f 1738 d 1773. Barn:

1. Åste f 1754 gm Østen Sjugurdson Breie.
2. Marit f 1757 gm Mattis Ivarson Dølveseige, sjå Dølvesbergatn.
3. *Hans* f 1759, neste brukar.
4. Gunhild f 1762 gm Arne Haraldson Juve, sjå Sveinsbrøtin under Åse.
5. Sofie f 1765 d 1785. Ved skiftet etter henne var bruttoeiga 152 rd. og nettoeiga 128 rd.

6. Ellend f 1768 d 1795.
7. Kristafer f 1772 gm Jøren Arnesdotter søre Vøll.

Hans Kristaferson f 1759 d 1797 g 1785 m *Marit Olsdotter Ølmhus* f 1767. Ved skiftet etter Hans i 1797 var bruttoeiga 1446 rd. og nettoeiga 1393 rd. Barn:

1. *Kristafer* f 1786, neste brukar.
2. Ola f 1788 d 1788.
3. Ola f 1789 gm Marit Olsdotter Bagn, sjå Leistrudbakkin 22/10.
4. Marit f 1791 gm Ola Julson Jukam, sjå Hølvegen 36/21. Marit fekk i 1812 sonen Ellend med Sjugurd Olson Bagn. Ellend gifta seg med Marit Olsdotter Austegarden, sjå nørdre Leistrudlie 22/15. Ellend Sjugurdson Jukam fekk i 1832 dottera Marit med Marit Trondsdotter Bagnseige.
5. Hermann f 1793 d 1818. Geirtrud Karlsgot fortel: Ved høgmessa joledagen 1818 møtte Hermann opp i full uniform, han var visst sersjant. Nett då var det ein som køyrde ned i elva rett utafor kyrkja. Hermann såg det og sprang til. Han fekk redda mannen, med sjølv «bleiv» han.
6. Kari f 1795 d 1796.
7. Kari f 1797 gm Ola Arneson Dølvesmoen, sjå Islandsmoen 48/12.

Marit Olsdotter g 2. 1798 m *Steingrim Hermannson Bøen,* sjå midtre Jukam 35/4.

I 1796 kjøpte Hans Kristaferson setra Bjødalen eller Hellingvøllen av Arne Olson Kvålshaugen for 100 rd. samt 10 rd. for påkostnader.

Steingrim Hermannson selde i 1810 halve garden samt Bjødalssetre, kjøpt av Hallvor Knutson øvre Jukam i 1784, for 460 rd. til stesonen Kristafer. Den andre halvdelen var utlagd til Kristafer på skiftet etter faren i 1797. I 1807 hadde Steingrim kjøpt midtre Jukam.

Kristafer Hansson f 1786 d 1855 g 1. 1811 m *Kari Olsdotter Erstad* f 1790 d 1819. Ved skiftet etter Kari i 1820 var bruttoeiga 820 spd. og nettoeiga 599 spd. Barn:

1. Hans f 1812 d 1833.
2. *Ola* f 1815, neste brukar.
3. Kristafer f 1818 d 1845.

Kristafer Hansson g 2. 1822 m *Kari Olsdotter Bruflat,* f på Høvdae i Etnedal 1784.

I 1818 var det uro blant bønder over delar av Austlandet, retta mot Stortinget, p.g.a. oppsamla misnøye over skattar og andre byrder. Hovudmannen i agitasjonen var storbonden Halvor Hoel frå Hedemarken. I september samla bøndene seg og gjekk i tog mot Kristiania. Også i Bagn var stemninga amper ei kort tid, men prost Hans Jacob Stabel fekk roa ned folk og overtala dei til å halde seg heime. Men han måtte lova å skrive eit klagebrev frå prestegjeldet til kong Carl Johan — slik bøndene hadde vore vande med å kunne appellere beinveges til kongen i København. Frå Sør-Aurdal drog Knut Kyrkjebjørgo og Kristafer Jukam til kongen med brevet. Dei fekk audiens om hausten på garden Åset i Østerdalen då Carl Johan var på tilbakeferd frå Trondheim. Her vart dei lova ei kongeleg gåve på 300 tønner bygg som grunnlag for eit kornmagasin i Sør-Aurdal.

Ola Kristaferson f 1815 d 1889 kjøpte garden av faren i 1845, g 1. m *Kristine Nilsdotter Hestkinn* f 1822 d 1844. Ved skiftet etter Kristine i 1844 var

Frå nedre Jukam nokre år etter krigen. Bak gamlefolket, Ole og Maria Juvkam. Lengst til venstre Kristoffer Juvkam, deretter ei ukjend dame, Olav Brandt Juvkam og Anne Marie Juvkam med katten. Den vesle guten er Ola Juvkam, brukar no.

bruttoeiga 904 spd. og nettoeiga 607 spd. Barn:

1. Kari f 1841 d 1847.
2. Gjartrud f 1844 d 1844.

Ola Kristaferson g 2. 1845 m *Kari Aslaksdotter Bruflat* f 1826 d 1897. Barn:

1. Kristine f 1846 d 1856.
2. Kari f 1848 g 1. m Ola Nilsen Lie, lille Strønd, Nord-Aurdal, g 2. m Gudbrand Strønd.
3. Berit f 1850 gm Elling Erikson Wold, sjå nørdre Vøll 31/1.
4. *Kristoffer* f 1853, neste brukar.
5. Aslak f 1856 d 1857.
6. Kristine f 1858 gm Arne Arneson søre Fønnhus.
7. Marit f 1860 gm Gudbrand Øverby.
8. Anne f 1862 d 1889.
9. Guri f 1864 d 1929.
10. Hans f 1866 d 1886.
11. Ole f 1868 d 1869.
12. Elling f 1871 d 1871.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 40 mål skarplendt åker og dyrka eng, 50 mål slåtteland, frå setrar og utmark kom 68 skippund høy, 16 tylfter furu- og grantømmer kunne hoggast for sal, dei lauva 2000 kjerv, og garden var godt dyrka. I 1865 hadde dei 2 hestar, 16 naut, 20 sauer, 14 geiter, 3 grisar, og sådde 4 settingar rug,

4 tønner bygg, 15 settingar blandkorn, 4 settingar erter og 8 tønner poteter.

I 1889 selde Ola Kristaferson til sonen *Kristoffer Olson* f 1853 d 1907 g 1877 m *Oline Marie Larsdotter Kyrkjebjørgo* f 1853 d 1918, dotter til lekpredikanten Lars Knutson. Kristoffer Juvkam var mykje med i styre og stell i kommunen. Barn:

1. Kari f 1878.
2. *Ole* f 1879, neste brukar.
3. Anna f 1882 d 1909.
4. Lars f 1884 d 1886.
5. Hansine f 1886 gm Kristian Ørjavik, Tønsberg.
6. Lars f 1889 gm Synnøve Øgaard, sjå Solbakken 36/17.
7. Kolbjørn f 1892 d 1920.

Ole Kristofferson f 1879 d 1951 kjøpte garden av mora i 1918, g 1906 m *Maria Olsdotter Brandt,* Vestre Slidre, f 1877 d 1958. Barn:

1. *Kristoffer* f 1907, neste brukar.
2. Olav f 1908 gm Gunhild Kleven, sjå Solbu 36/25.
3. Olaug f 1911 gm Arne Leite.
4. Ragnhild f 1913 gm Ingvald Halvorsen, Holla.
5. Oddgeir f 1915 gm Elna Træn, Rjukan.
6. Leif f 1919 gm Marit Jansen, Oslo.
7. Kolbjørn f 1921 gm Signe Nygård, Bagn.

Kristoffer Olson f 1907 d 1976 fekk auksjonsskøyte i 1934, g 1932 m *Anna Dorothea Lysen,* Fluberg, f 1907. Barn:

1. Anne Marie f 1933 gm Henry Mønsdal, Åsgårdstrand.
2. *Ola* f 1944, neste brukar.

Ola Juvkam f 1944, eigar frå 1975, gm *Torill Bergene,* Etnedal, f 1951. Barn:

1. Kristoffer f 1974.
2. Ole Kristian f 1978.

Nedre Jukam har 70 da. dyrka jord og 1800 da. skog. Namn i innmarka er *Storåker'n,* som ligg bratt ned for tunet, *Ullførbain* er utpå berget, eit stykke nedafor Storåkere, *Skogåker'n* og *Skibakkin* ligg nordafor husa, *Myrbakkin* er ovafor Skibakka, *Kvee* er eit jorde for seg sjølv på oversida av gamlevegen, og aust for husa ligg *Hagin.* På *Perspeise* ved gamlevegen, litt i utkanten av jordet, vart det sagt at det skulle ha vore ein liten heim. No er staden grodd til. På *Hauge* litt opp for Perspeise ser det ut for at det kan ha ståtte hus. Ein stad oppe i skogen, no skogvaksen, heiter det *Røtaheim.* I *Sagbekke* lå ei gamal gardsmølle og gardssag, murane kan ei framleis sjå. I *Skriudale* har det gått eit leirskred.

Husa er to gamle, nokså store bygningar i to høgder. Den øvre vart restaurert ca. 1972, den nedre, som er hovudbygning, om lag 1950. Låve og fjøs er frå 1939, bryggerhus og verkstad frå om lag 1942, ei smiu frå mellomkrigsåra og ei gardssag bortafor smiu er frå om lag 1950. Elles finst eit gamalt kombinert stabbur og kornbu i to høgder.

På setra Bukfyll på Skrikkarvølle er det nydyrka om lag 50 da. Den gamle og nedlagde setervollen nedunder *Knatto* er enno kalla *Knattevøllen.*

Kleive, eller Jukamskleive, låg under kleiva i gamlevegen oppover Jukamsbakkatn. Frå ca. 1935.

Solbu bnr. 25

Bustadhus på tomt utskild frå nedre Jukam i 1944, bygd av *Olav Brandt Juvkam,* nedre Jukam 36/5, f 1908 d 1973 gm *Gunhild Kleven* f 1910. Olav Jukam var m.a. skogsarbeidar og dei siste åra jarnbindar. Barn:

1. Odd 1943 gm Gerd Utgård, Bardu.
2. Per f 1952.

Jukamskleive bnr. 15

På ei lita flate nede ved Begna ligg Kleive, i daglegtale kalla *under Kleiven.* Namnet kjem av at plassen låg under kleiva i gamlevegen som slyngde seg opp berget bak. Den fyrste kjende husmannen, *Ola Ivarson*, er i 1734 kalla nett «Ole under Kleven».

Ola Ivarson gm *Kari Amundsdotter* er nemnde på Jukam 1733—38, men på Leistrud i 1743, sjå Leistrud, ukjend bustad.

I 1733 stemna soldat Ola Ivarson Tåmås Hallsteinson Skar for ærekrenking. Tåmås hadde skulda Ola for å vera litt for god ven med kona si, og kome med sterke utfall. Ola førte vitne om den harde ordbruken. På sumartinget i 1734 ga lagretten Ola medhald. P.g.a. slikt «snakk og skvalder» med skuldingar som ikkje kunne provast, vart Tåmås Skar dømd til ei bot på 3 rd. til dei fattige og husarme i soknet og 4 rd.

til Ola i sakskostnad. Dei ærekrenkjande orda skulle ikkje koma Ola til skade på hans ærlege namn og rykte, men vart kjende døde og makteslause.

I 1815 fekk Ivar Knutson og kona Guri Olsdotter husmannskontrakt på Kleive og Kleivabrøtin.

Dei skulle bruke Kleive som dei førre husmannsfolka, likeins den nybygde plassen Kleivabrøtin samt nokre slette. Leiga på 4 rd. skulle betalast ved å slå i 18 dagar, skjera 3 mål åker, gjera vårarbeid i 6 dagar og haustarbeid i 8.

Ivar Knutson Jukamseige, Ranangen under Brattrud, f 1771 d 1851 g 1811 m *Guri Olsdotter Bakkoeige,* Haug 12/20, f 1785 d 1863. Barn:

1. *Knut* f 1812, sjå nedafor. Ein son til Knut, Ivar Knutson, f i Nord-Aurdal 1835, kom til Kleivabrøtin.
2. *Ola* f 1817, neste husmann.
3. Ola f 1822 d 1852.
4. Ingrid f 1826, til Amerika 1850.
5. Ingrid f 1831 d 1831.

I 1846 overlet Knut Kleive bruken av Kleive til broren *Ola Ivarson* gm *Barbro Sjugurdsdotter Juve.* Ola kjøpte Fremredalen 37/5 i 1861, sjå der.

I 1865 var *Andreas Monsson* gm *Gunhild Persdotter* husmannsfolk. Dei fekk festesetel på plassen Brue under Ellendshauge i 1866, sjå der.

I 1865 hadde Andreas og Gunhild 1 ku,1 geit, 2 grisar, og sådde 10 settingar bygg og 2 tønner poteter.

Kristafer Olson gm *Gjartrud Eriksdotter* var i Bruen i 1862, på Brattrudeige i 1864, i Kleiven 1866—69 og på Rabbe under Bagnsøydgarde i 1871, sjå der.

Mathias Andersson frå Kolbu, kalla seg Kleven, f ca. 1836 d 1906 gm *Gunhild Sjugurdssdotter Gottenborg,* Etnedal, f ca. 1844 d 1914, er nemnde i Kleiven frå 1869. Mathias tok til med fargeri i Kleiven — då brukte dei naturfarger — men hadde ingen hug til at barna skulle halde fram med arbeidet. Leiga til Jukam vart betald i kontantar. Gunhild budde i Kleiven til ho døydde. Barn:

1. Anton Sigvard f ca. 1866 gm Kari Nilsdotter Skattebu, Øystre Slidre, sjå Saudalen 22/5.
2. Karoline f 1869 gm Ole Ivarson Milevasslie, på Berg i Bruflat 1905, flytta til Stai i Østerdalen.
3. Anders f 1870 gm Olava Syversdotter Nerødegård, sjå Klevenberg i Bagn.
4. Petter f 1872 gm Klara Kaspersen Åmot, Torpa, sjå nørdre Brattrud 23/1.
5. Syver f 1874, var bakar i Sørum.
6. Martin f 1876 d 1896.
7. Ole f 1880, til Amerika.
8. Anna f 1883, til Amerika.

I 1920 vart Kleive utskild som bnr. 15, og i 1921 selde Ole Kristofferson Juvkam til broren *Lars Juvkam.* Han delte frå to tomter i 1926, og selde i 1928 til

Nils Østgård gm *Anna Dorthea Andreasdotter Steinsrud.* Dei kom til Kleive i 1926. Nokre familiar hadde budd her etter Kleven-familien. I 1933 bygde Nils Østgård Bagn Trevarefabrikk på tomta, ein snikkarbedrift med fire—fem mann. Fabrikken var i drift til 1959, og laga særleg dører og vindaugo. I 1962 kjøpte Nils Østgård Austegarden 12/10, sjå der.

Sonen *Dagfinn Østgård* f 1917 fekk skøyte i 1959, gm *Jenny Solveig Ødegård,* Bjørgo, f 1915. Barn:

1. Nils Harald f 1945 d 1946.
2. Doris Jorunn f 1950 gm Einar Kilen, Luster i Sogn, f 1949. Dei bygde hus på tomta i 1978. Barn: Dag Harald f 1972 og Hege f 1975.

I Kleiven var det krøter til 1959. Av dei gamle husa står stugu att, i 1937 vart nedrive ein tømra låve og eit hus med stall og fjøs. Nytt uthus var bygt i 1937 og rive i 1964. Då vart det bygt eit nytt bustadhus på tomta. I 1941 kjøpte Nils Østgård setra Myrestølen i sameiga på Veståse av Olaf Lyhus. Setra er no nedlagd og har ikkje hus.

Under storflaumen i Begna i 1860 stod vatnet langt innover jordet og tunet. Før peisen i gamlestugu vart riven ut, kunne ein sjå merke på han etter flaumen. Ved storflaumen i 1927 vart på nytt store delar av eigedomen sett under vatn.

Solbakken bnr. 17

Bustadhus på tomt utskild frå Kleiven i 1926, bygt av *Lars Kristofferson Juvkam,* nedre Jukam 36/5, f 1889 d 1962 g 1916 m *Synnøve Øgaard,* Vardal, f 1895. I 1914 kjøpte Lars Juvkam Fossheim mølle og sag av Hans Erlandsen, og dreiv bruket til det brann i 1949. Lars Juvkam hadde eksamen frå Statens håndverks- og kunstindustriskole, og teikna hus for folk. Han var ein fin fiolinist. Kona Synnøve song, og saman gledde dei mange med musikken sin. Barn:

1. Halldis f 1917 d 1918.
1. *Kjell* f 1919, neste eigar.
2. Asbjørn f 1920, distriktssjef, gm Anny Nerbråten, Liagrende.
3. Halldis f 1923 d 1924.
4. Dagny f 1927, bibliotekar, gm Eirik Tore Bjørgum.
5. Hanna Olina f 1931, barnehagestyrar, gm Leif Ihle.

Kjell Juvkam f 1919, mekanikar, g 1944 m *Sonja Ölund,* f 1913 i Rosvik, Sverige. Barn:

1. Katrin f 1945, gm Kjell Arnold Bergene.
2. Lillian f 1947 gm Harald Dyve.
3. Lars f 1949 gm Aud Hjørdis Bergene.

Rosvik bnr. 53

Bustadhus 1975 på tomt utskild frå Solbakken. *Kjell Arnold Bergene,* Hølera, f 1946 gm *Katrin Juvkam* f 1945. Barn:

1. Linda f 1973.
2. Silje f 1976.

Fjellborg bnr. 54

Bustadhus, åtta av *Lillian* og *Harald Dyve.* Ny eigar er *Ingunn Haugsrud.*

Hølvegen bnr. 21

Hølvegen ligg på steinfull grusjord ned mot Begna, i ein krok der dalsida svinger innover.

Dei fyrste me kjenner som budde her, *Aslak Olson* og *Guri Eivindsdotter,* fekk i 1806 plassen som brukeleg

pant i levetida si av Kristafer Hansson nedre Jukam for eit lån på 200 rd. I Hølvege var då 3 mål oppbroten og attlagd åker og husa var dårlege. Stefaren til Kristafer, Steingrim Hermannson, brukte framleis halve nedre Jukam og hadde krav på halvdelen av ytinga frå Hølvege. Kristafer skulle difor betala han 4 rd. årleg.

Aslak Olson Prestegarden f ca. 1752 g 1. 1777 m *Guri Eivindsdotter Rustøe* f ca. 1738 d 1821. Aslak og Guri var i Rustøen i 1782, frå 1788 til -95 åtte Aslak Bagnsbergatn, og frå 1795 til 1805 åtte han Framgarden bruk II og IIIa. Ved skiftet i Hølvege etter Guri i 1821 var bruttoeiga 116 spd. og nettoeiga 96 spd. I nettoeiga inngjekk pantepengane på 100 spd., som fyrst kunne krevjast utbetalde når Aslak døydde. Aslak g 2. 1821 m *Marit Hansdotter Juve,* Dølveseige, f 1766.

Aslak Hølvegen var litt av ein original. Når han vart sint, kom han på ståande fot med eit rim. Då det for det meste var råkande og gjerne vart gåande i bygda til lått og løye, enda det støtt med at Aslak fekk det som han ville. På sine gamle dagar vart Aslak blind og måtte gå i legd. (Valdres 23.10.1906.)

Ola Julson øvre Jukam f 1791 d 1836 g 1816 m *Marit Hansdotter nedre Jukam* f 1791 d 1855, er nemnde på Jukamseige frå 1823, kan hende Hølvegen, der familien iallfall var i 1845. Barn:

1. Ola f 1811 d i Hølvege 1845.
2. Jul f 1816 gm Siri Andersdotter Smedsrud, sjå søre Smedsrud 22/2.
3. Hans f 1823 gm Maria Knutsdotter Kyrkjebjørgo, sjå Kyrkjebjørgmyre 35/5.
4. *Steingrim* f 1825, neste husmann.
5. Kristafer f 1828 gm Gjartrud Olsdotter Hermundsplassen, sjå Kyrkjebjørgmyre 35/5.

Steingrim Olson f 1825 d 1873 på Smedsrud g 1861 m *Kari Olsdotter Hermundsplassen* f 1836. Barn:

Marit f 1864.

Kari Olsdotter g 2. 1874 m Mikjel Olson Liabrenne, sjå søre Smedsrud 22/2.

I 1865 hadde Steingrim og Kari 3 naut, 6 sauer, 4 geiter, og sådde 18 settingar bygg og 2 tønner poteter.

Ola Arneson Torsrudlykkja f 1847 g 1868 m *Kari Knutsdotter Bøle,* nørdre Bøle 25/5, f 1834, er nemnde i Hølvege 1871—73. I 1868 og -69 var dei i Torsrudlykkjun. Barn:

1. Ole Andreas f 1868 d 1869.
2. Ole Andreas f 1869.
3. Knut f 1871 d 1872.
4. Berthe Karine f 1872 d 1873.

Gudbrand Gudbrandson Lyhushaugen f 1832 d 1879 i Hølvege av lungebetennelse g 1857 m *Gunhild Olsdotter Kinn* f 1830 d 1927, budde i Pålsbrøta under Erstad til 1873. Deretter er dei nemnde som husmannsfolk i Hølvege. Gunhild fortalde at ho hadde med seg den yngste sonen, Ole Andreas, i eit trau då ho skar husmannsskur på Jukam. Som enkje kjøpte Gunhild Smedsrudplassen eller Steinsrudplassen under søre Smedsrud, der ho budde med fleire barn i 1891. Barn:

1. Gudbrand f 1857, til Amerika 1881.
2. Ole f 1859, til Amerika 1879.

3. Ingeborg f 1862 gm Jens Rognstad, Bjoneroa.
4. Kristine f 1864 gm Syver Olson Skinnarbrøtin, sjå Gimle 37/25. Kristine fekk i 1889 sonen Gudbrand med Amund Olson. Gudbrand reiste til Amerika.
5. Anne f 1867 g Kristiansen, Engerodden, Sperillen.
6. Guri f 1872.
7. Kari f 1875, til Amerika.
8. Ole Andreas f 1878 gm Marit Johansdotter Skrukkefyllhaugen, sjå Lafton 22/43.

Hallvor Olson Lundoeige, Søreng 50/30, f 1832 d 1901 på Hengjun g 1865 m *Mari Arnesdotter Dokkebakkatn* f 1846, er nemnde i Hølvege frå 1883 og i 1891. Barn:

1. Kari f 1867 gm Ole Andersson Sveinsbrøtin, sjå Hundehengja 36/2.
2. Ragnhild f 1869 gm Ole Olson Rundbrøtin, sjå Rundbrøtin 27/3.
3. Ole f 1872 gm Johanne Maria Nikolaisdotter Bøhle, sjå midtre Leistrud 22/8.
4. Anne Marie f 1874 gm Arne Knutson Haslene, sjå Bruskaret 14/20.
5. Berthe f 1876 gm Gudbrand Erikson Vestromhagen, Hedalen.
6. Gunhild f 1879 gm Ole Gunvaldson Skålebråten, Hedalen.
7. Arne f 1881.
8. Hans f 1883.
9. Olaf f 1886.
10. Thora f 1888 gm Ole Julson Dokken, Nord-Aurdal, sjå Høllabrøtin 2/3.

Jeremias Jeremiasson Erstadeige, heimdre Erstadbrøtin 33/19, f 1845 d 1921 g 1875 m *Sigrid Olsdotter Bøenseige,* Brustugu under Bøen, f 1853 d 1929, er nemnde i Hølvege frå 1896. «Jermus Hølvegen» var tømmermann og smed. Dei budde på Lyhusbakka i 1876 og er nemnde i Børgilsbrøta i Reinli 1879—91. I 1912 kjøpte Jeremias Bagnslykkja. Barn:

1. Anne f 1876 gm Edvard Hansson Viken, Begnadalen.
2. Maria f 1879 gm Kristoffer Nilsson Sveriplassen (Rud).
3. Johan f 1884 gm Marit Sveen, Bruflat, sjå Bagnslykkja 39/9.
4. Oline f 1887 gm Hans Velsand, Jevnaker.
5. Anne f 1891 gm Asbjørn Voll, Bruflat.
6. Signe f 1896 gm Helge Høneren, Begnadalen.

Etter husmannskontrakten i 1902 skulle husmannsfolka i Hølvege gjera vinterarbeid i 12 dagar, vårarbeid i 9 dagar, sumararbeid — slått — i 12 dagar, haustarbeid i 14 dagar — 4 mål skur, og grava 42 ruter — 1 gamalt mål — poteter. Same kontrakt fekk neste husmann, Petter Svenstad, i 1917.

Petter Svenstad, Nord-Torpa, f 1883 d 1962 gm *Bertine Lindokken* f 1877 d 1970, kom til Hølvegen i 1917. Barn:

1. *Mikael* f 1906, neste brukar.
2. Gunnar f 1909 gm Ingebjørg Rugbråten, sjå nedre Roo 15/13.
3. Johan f 1912 gm Karine Skogstad.
4. Gudmund f 1918 gm Marit Bendiksen, Fagernes.
5. Einar f 1921 gm Randi Rødningen, Øystre Slidre, bur på Dokka.

Hølvegen vart utskild i 1938, og var husmannsplass til *Mikael Svenstad* f

Petter Svenstad i Hølvege f 1883 på veg til skogen i 1959. Hestar og køyring var den store interessa hans. Stugu bak hadde før stått i Kleivabrøta.

1906 kjøpte bruket i 1946, gm *Julie Simensen,* Bakkelund 22/42, f 1926. Barn:

1. Per Odd f 1944.
2. Anne Bjørg f 1946 gm Einar Øverbø, Hjartdal.
3. *Magnus* f 1949, neste brukar.

Magnus Svenstad f 1949, eigar frå 1978, gm *Randi Dalen,* Leirskogen, f 1951. Barn:

1. Frode f 1978.
2. Stig f 1980.

Heime er om lag 5 da. dyrka jord. I 1950 kjøpte Mikael Svenstad ein del av setra Jukams-Bukfyll på Skrikkarvølle av Kristoffer Juvkam. Denne delen var ei gamal seter kalla *Klovotrøe* med ein skogteig i sameiga. Her er det bygt bu, fjøs og låve. Mikael dyrka ca. 20 da. I dei siste åra har Magnus dyrka meir, slik at det i alt er 59 da. dyrka jord på setra. Dei siste åra hadde Mikael og Julie tre kyr.

Den gamle stugu brann nokre år før Petter og Bertine Svenstad overtok i 1917. Den tømra stugu i Kleivabrøta, som var fråflytta, vart køyrd til Hølvegen og sett opp att på branntomta. Stugu var 7 x 5 m, hadde opphavleg eit stort kjøken og eit smalt kammers, som vart delt i eit kammers og eit spiskammers i samband med flyttinga. Mikael panelte stugu innvendig og laga ein innvendig gang. Med unnatak av ei stugu frå 1946 var alle dei andre

husa gamle. Dei nye brukarane har bygt ny driftsbygning og nytt våningshus, og fleire av dei gamle husa er rivne.

Jukamsbakkatn

Jukamsbakkatn eller *Jukamsbakkin* under nedre Jukam er kan hende identisk med ein av plassane me kjenner frå seinare tid under eit anna namn. Jukamsbakkatn må ha lege nær den gamle vegen, for under ei sak i 1749 er det opplyst at reisande kunne koma innom for å slukke tørsten. På Jukamsbakko var det folk iallfall i fyrste halvdel av 1700-talet.

I mars 1735 sette Ola Olson Brattrud og Erik Olson Jukamsbakkatn opp ein kontrakt om plassen. Erik hadde fått lov av Ola Olson nedre Jukam, som døydde i 1732, til å bruke Jukamsbakkatn samt eit engeland ved elva, *Gunnarsbrøtin,* og to andre slette, det eine heitte *Eivindsbrøtin,* for levetida si. Alt var under nedre Jukam. Ola Brattrud var eldste son til Ola nedre Jukam. Ola og Erik hadde vorte einige om at Ola skulle svara Erik 40 rd. for påkostnader, og pengane var no betalde. Erik fråskreiv seg all rett til plassen og sletta, og skulle ryddiggjera til neste faredag.

Erik Olson nedre Jukam f 1696 g 1726 m *Inger Olsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk II, f 1693. Barn:

1. Ola f 1725 gm Gjartrud Nilsdotter Kyrkjebjørgo, sjå Jukamseige.
2. Kari f 1727.
3. Ingrid f 1730.
4. Ingebjørg f 1732 gm Eivind Knutson Kyrkjebjørgo, sjå Humleberg 35/3.

Gudbrand Olson Jukam gm *Ambjørg Mikjelsdotter Navrud* er nemnde på Jukam eller Jukamsbakko 1746—49, sjå søre Leistrudlie. Ambjørg var vitne i saka om øvre Jukam mellom Tøstein Tåmåsson Skar og Ola Olson øvre Jukam i 1748—49, og fortalde om skjenking til vegfarande.

Kleivabrøtin

Plassen Kleivabrøtin låg bratt til oppe på berget. I 1815 fekk *Ivar Knutson* og kona *Guri Olsdotter,* sjå Jukamskleive 36/15, husmannskontrakt på plassane Kleive og Kleivabrøtin. Kleivabrøtin var då kalla ein nybygd plass.

Iver Knutson, f i Nord-Aurdal 1835 d i USA 1925, soneson til førnemnde Ivar Knutson, fekk festesetel på Kleivabrøtin i 1863, g 1861 m *Anne Gudbrandsdotter Lyhushaugen,* f 1837. Dei reiste til Amerika frå Kleivabrøta i 1867. I USA starta Iver ein tømmerforretning saman med bror sin, og vart ein formuande mann. Ein jarnbanestasjon i Wisconsin, Klevenville, er oppkalla etter han. Kleven-familien gløymde ikkje heimbygda. Sonen Knut Kleven gav eit stort legat, og alders- og sjukeheimen i Sør-Aurdal får kvart år ein del av rentene. I avisa «Valdres» fortel Iver Kleven om Bagn slik han opplevde bygda, sjå grendeoversynet om Øystre Bagn. Barn:

1. Knut f 1862.
2. Gudbrand f 1865.

I 1865 hadde Iver og Anne 3 naut, 5 sauer, 6 geiter, og sådde 1 setting rug, 12 settingar bygg, 4 settingar blandkorn og 1 1/2 tønne poteter.

Håvård Embrekson Framgardseige, f 1844 g 1871 m *Beret Olsdotter Skarshaugen* f 1842, var i Prestegardsplasse 1871, på Jukamseige 1874 og reiste frå Kleivabrøta til Amerika i 1875. Barn:

1. Ole f 1871.
2. Marit f 1874.

Husmannsfolk i 1875 var *Knut Knutson Snertum,* Bakkatn 12/1, f 1829 d 1878 på Snertum g 1870 m *Anne Sjugurdsdotter søre Rugbrøtin* f 1842. Dei er nemnde på Jukamseige 1870 og på Velingsrud 1872. Barn:

1. Syver f 1870.
2. Ole Andreas f 1872 gm Dina Øysteinsdotter Tomleeige, Nordre Land, sjå Bruskaret 14/20.
3. Berit f 1876.

Anne Sjugurdsdotter g 2. 1889 m *Ola Høljeson Nerli,* sjå Nerli 11/32.

Dei siste me kjenner i Kleivabrøta, er *Ola Hallsteinson Kyrkjebjørghaugen,* også kalla «Ola Mohaug», gm *Marit Pålsdotter Skinnrudbrøtin,* sjå Bakkatn under midtre Jukam. Dei er nemnde i Kleivabrøta i 1886 og -91. I 1900 var dei på Smedsrud, og bygde ei stugu kalla Steinsli ved Reinlivegen.

Stugu i Kleivabrøta vart flytta til Hølvegen då det kom nye husmannsfolk der i 1917. Den gamle stugu i Hølvege hadde brunne ned.

Skinnarbrøtin

Skinnarbrøtin låg nord for Kleivabrøta. Namnet kjem av gamalnorsk *skinnari* m., som tyder fellmakar eller garvar, og plassen må ha fått namnet fordi ein av dei fyrste husmennene dreiv dette handverket.

Dei fyrste me kjenner som sannsynlegvis budde her, er *Ola Olson Austegarden,* Austegarden bruk II, f 1810 g 1836 m *Anne Knutsdotter Bakkatn,* Bakkatn 12/1, f 1809 d 1856 i Skinnarbrøta. I 1842 var dei på Hago i Reinli og i 1845 på Gastgjevarhauge. Barn:

1. Ingebjørg f 1836 gm Nils Knutson Rogne, sjå Bruskaret.
2. Ola f 1842.
3. Anne f 1845.

Ola Olson g 2. 1864 m *Ingebjørg Olsdotter Bakkeslettet,* sjå Kveitn 11/18.

Sjugurd Olson frå Austsinni, Nordre Land, gm *Anne Håkensdotter nørdre Rugbrøtin* fekk festesetel på Skinnarbrøtin i 1860, og er nemnde her til 1868, sjå nørdre Roo 8/2.

I 1865 hadde dei 3 naut, 4 sauer, 5 geiter, og sådde 1/2 setting rug, 16 settingar bygg, 2 settingar erter og 2 tønner poteter.

Ola Olson Ruse gm *Jøren Monsdotter Lie* er nemnde i Leistrudlien 1869 og på Jukamseige eller Skinnarbrøta 1872—78, sjå Hagatn 11/29.

Halvor Arneson gm *Åse Pedersdotter* er nemnde i Skinnarbrøta i 1885, og var på Berge under nørdre Jorde i 1891, sjå der.

Ole Bjørnson Moen eller Søreimseige frå Nord-Aurdal, f 1857 g 1883 m *Ingeborg Andersdotter Hølvegen,* Brenno under midtre Jukam, f 1857, er nemnde i Skinnarbrøta frå slutten av 1880-åra til 1900. Ved folketeljinga i 1900 var Ole husmann med jord, snikkar og laggar. Barn:

1. Anne Bertine f 1884.
2. Anders f 1887.
3. Thora f 1889.
4. Anton f 1892.
5. Ragnhild f 1894.
6. Torbjørn f 1896.

Erik Olson Nybo frå Nes, f ca. 1869 g 2. m *Åste Torsteinsdotter* var dei siste husmannsfolka. Dei er nemnde i Skinnarbrøta frå 1907, og flytta til Skrautvål i mellomkrigstida. I 1900 var Erik i Pålsbrøta 33/8.

No står det ikkje hus att, og plassen er tilvaksen. Ei tid var det skytebane i Skinnarbrøta.

Jukamslie

Jukamslie, eller berre Lie, låg oppe i berget, mot Bagnsbergo. Frå nedre Jukam har dei brukt å seia *bortpå Lien.*

Dei fyrste husmannsfolka me kjenner, er *Anders Andersson Jukam* f ca. 1755 d 1807 g 1789 m *Ingebjørg Olsdotter Bagn,* Stryken under Ellendshauge, f 1758 d 1837. Barn:

1. Anne f 1790 d 1815.
2. Anders f 1792 gm Ingebjørg Olsdotter Klauvrud, sjå Høgbrenne under Høve.
3. Beret f 1795 gm Ola Sjugurdson Kallskøteige, sjå Ruse under Høve.
4. *Ola* f 1797, neste husmann. Ola fekk i 1821 dottera Anne med Marit Olsdotter.

Ola Andersson f 1797 d 1833 g 1826 m *Ingebjørg Eriksdotter Jukamseige,* Bergli 36/8, f 1801 d 1872. Barn:

1. Ingebjørg f 1826 d 1846.
2. Guro f 1829 gm Anders Olson Erstadeige, sjå Kinn 33/21.
3. Anders f 1833 g 1. m Tøren Olsdotter Vabrøtin, g 2. m Rannei Olsdotter Brue, sjå båe gonger Brenno under midtre Jukam.

Ingebjørg Eriksdotter g 2. 1840 m *Sjugurd Amundson Roo,* nørdre Roo bruk Ib, f 1781 d 1858. Barn:

1. Ola f 1840 gm Dorte Knutsdotter Lundelie, sjå Haug 12/20.
2. Erik f 1844 gm Gunhild Knutsdotter Brubakklykkja, sjå Hermundslie 13/25.

I 1865 hadde dei 2 naut, 4 sauer, 2 geiter, og sådde 7 settingar bygg og 1 1/2 tønne poteter.

Det er ikkje nemnt folk i Jukamslien etter Ingebjørg og Sjugurd. No har plassen lenge vore skogvaksen, men murane etter hus visast.

Jukamseige

Per Knutson er nemnd på Jukam 1717—29. I 1729 var han kalla Per Knutson Haugen på Jukamseige, og stemna Ola Olson øvre Jukam for overfall, sjå øvre Jukam. Barn:

1. Knut f 1717.
2. Kari f 1720 gm Tøstein Knutson Framgarden, sjå Lineikro 12/17.
3. Marit f 1723.
4. Ragnhild f 1729.

Jørgen Sveinson Bagn, trulova Jukam, g 1716 m *Kari Gunnarsdotter* f ca. 1679 d 1739 på Jukam. I 1752 var Jørgen Sveinson på øvre Jukam blant husmenn som vart kravde for gjeld.

Jørgen var tiggar og åtte ingenting. Barn:

1. Marit f 1717 d 1717.
2. Gunnar f 1719 gm Kari Vilhelmsdotter, sjå Jukamseige.

Gunnar Jørgenson f 1719 g 1740 m *Kari Vilhelmsdotter Leikebakke* f 1713 d 1797, er nemnde på Jukam frå 1741. Barn:

1. Jørgen f 1741.
2. Ingebjørg f 1744.
3. Kari f 1749.
4. Marit f 1752.
5. Gunhild f 1755.
6. Gunhild f 1756.

Kari Vilhelmsdotter g 2. 1766 m *Gudbrand Tøsteinson Jukam,* truleg frå nedre Bagn bruk II og f 1706, d 1787. I 1778 fekk Gudbrand Tøsteinson Jukamseige sonen Ola med Ingrid Olsdotter Bagnseige.

Tåmås Gudbrandson gm *Siri Mikjelsdotter* er nemnde på Jukamseige 1736—38, sjå Navrudeige.

Hans Olson øvre Jukam, oppgjeven som bror til Mikjel Jukam 1755, gm *Barbro Andersdotter* er nemnde på Jukam 1741, på Kyrkjebjørgo 1744 og deretter på Jukam. I 1766 var dei på øvre Jukam. Barn:

1. Dorte f 1741.
2. Helga f 1744 gm Tøstein Olson Midthus, fattigfolk på Bruflat i 1801.
3. Dorte f 1745.
4. Helga f 1749.
5. Beret f 1753 d 1754.
6. Ola Hansson Jukam, mogleg son frå dette ekteskapet, g 1764 m Beret Olsdotter Lineikro. Dei fekk i 1765 sonen Hans, døypt i Vang, Hedemarken. Ola var då soldat.

Sjugurd Arneson Bagn, øvre Bagn bruk III, f 1722 d 1801 g 1. m *Marit Eivindsdotter,* mogleg frå Fjell og f 1717, d 1766. Dei var på Bagn i 1747 og -49, men på ein plass under nedre Jukam i 1766. Barn:

1. Arne f 1747, fekk i 1766 dottera Anne med Anne Jakobsdotter Stavadalen.
2. Knut f 1749.

Sjugurd Arneson g 2. 1767 m *Marit Hallvorsdotter* f ca. 1732 d 1813. I 1801 var dei husmannsfolk på ein plass under nedre Jukam.

Embrek Gudbrandson Bagnsmoen f 1721 d 1801 på Jukamseige g 1. 1747 m *Ambjørg Jonsdotter Bøen,* Bøen bruk I, f 1704 d 1770 på Jukamseige, var på ein plass under nedre Jukam i 1766. Barn:

Ingebjørg f 1747.

Embrek Gudbrandson g 2. 1770 m *Marit Knutsdotter Dalen* f ca. 1734, var på ein plass under øvre Jukam i 1801. Barn:

1. Gudbrand f 1773 d 1776.
2. Ingrid f 1775.

Ola Erikson Jukam, Jukamsbakkatn under nedre Jukam, f 1725 d 1773 g 1754 m *Gjartrud Nilsdotter Kyrkjebjørgo,* Kyrkjebjørgo bruk II, f 1721 d

1773, døydde båe på Jukamseige, og var i 1766 på ein plass under nedre Jukam. Barn:

1. Nils f 1755.
2. Erik f 1760.

Ola Olson Nedrebøen gm *Kari Olsdotter Dølve* var på ein plass under Jukam ved eit skifte på Bøle i 1800, og husmannsfolk under øvre Jukam i 1801. Dei var framleis på Jukamseige då ein son vart konfirmert i 1812, og er i 1817 og seinare nemnde på Kyrkjebjørgeie, sjå der.

Arne Hallvorson øvre Jukam, f 1767, var på Jukamseige då han i 1795 gifta seg med *Siri Knutsdotter Framgarden,* Framgarden bruk VI, f 1740 d 1819 som legdsfattig på Framgarde. I 1801 var dei husmannsfolk med jord under øvre Jukam.

Anders Nilsson Brakaeige, Leistrudeige, f 1796 d 1886 som legdsfattig i Kølplasse, g 1823 m *Anne Høljesdotter Jukamseige* f ca. 1790 d 1850 på Rud under søre Bagnsjorde, er nemnde på Jukamseige 1823—36. Barn:

1. Nils f 1823 gm Guri Kristafersdotter Dølveseige, sjå Kølplasse under søre Øyhus.
2. Sesel f 1826 d 1831.
3. Gunhild, tvilling med Sesel, f 1826 d 1831.
4. Anne f 1830.
5. Siri, tvilling med Anne, f 1830 gm Ola Erikson Kallskøteige, sjå Trulseplassen under nedre Sørflaten.
6. Hølje f 1836.

Anne Olsdotter Jukamseige fekk i 1823 dottera Ingebjørg, d 1827 på Spangrud, med Anders Olson Bagn.

Hans Haraldson Jukamseige, Juve 26/2, f 1800 g 1824 m *Gjartrud Eriksdotter Bagnseige* f 1789, var på Tronrudeige i 1825 og på Jukamseige i 1830. Hans Haraldson Jukam reiste til Amerika i 1861. Barn:

1. Harald f 1825.
2. Ragnhild f 1830 gm Embrek Olson Lineikro.

Ola Olson Jukamseige fekk i 1849 dottera Kari, d 1856 i Kleiven, med Barbro Sjugurdsdotter Tronrud, seinare gm Ola Ivarson, sjå Fremredalen 37/5.

Hallstein Hallsteinson Rustebakke f 1838 g 1864 m *Anne Olsdotter nørdre Leitet* f 1836, var på Jukamseige i 1864, der dei fekk sonen Halstein. Dei drog til Amerika i 1866.

Jukam, ukjend bustad

Hallvor fekk desse barna på Jukam:

1. Tøren f 1700.
2. Anne f 1703 d 1766 på Jukam.
3. Ola f 1704.
4. Gullik f 1708.
5. Sjugurd f 1710.

Knut Torkjellson Jukam trulova 1707 m *Helga Olsdotter* fekk i 1709 sonen Jon på Jukam. Knut Torkjellson er truleg den *Knut* som i 1701 fekk sonen Torkjell på Jukam. Torkjell kan vera den Torkjell Knutson Brattrud

som i 1734 gifta seg med Ingrid Hallsteinsdotter, sjå Bøenseige.

Tåmås Jonson, tenestedreng hjå Mikjel Bagn, fekk i 1708 sonen Jon med Ingrid Knutsdotter Jukam.

Jon Gunnarson nedre Jukam f ca. 1670 d 1739 på Jukam g 1. 1709 m *Beret Hansdotter.* Barn på Jukam:

1. Beret f 1708 mogleg gm Endre Jonson Bagn, sjå Jukam, ukjend bustad.
2. Ola f 1714.
3. Gunhild f 1719.

Jon Gunnarson g 2. 1731 m *Barbro Amundsdotter.*

Tørris Olson trulova 1709 m *Barbro Olsdotter.* Dei fekk i 1714 dottera Gjartrud på Jukam, gm Jens Hallbjørnson Kyrkjebjørgo, sjå Kyrkjebjørgo, ukjend bustad. Barbro g 2. 1739 m *Ola Olson Kallskot,* sjå Grangard under Kallskot.

Trond Olson Jukam g 1718 m *Dorte Olsdotter,* rimelegvis den Dorte Olsdotter Bagn som Trond fekk dottera Anne med i 1716.

Trond Hallvorson Jukam g 1719 m *Beret Kjellsdotter.* Beret må vera den Beret Kjellsdotter nordre Fonnhus som var gift med ein Trond Hallvorson. I 1736 var dei i Hallingdal. Barn på Jukam:

1. Ola f 1720.
2. Kari f 1721.
3. Ingrid f 1724.
4. Trond f 1729.

Lars Sjugurdson Jukam g 1732 m *Guri Hallvorsdotter.*

Endre Jonson Bagn f ca. 1710 d 1748 på Jukam g 1733 m *Beret Jonsdotter,* mogleg dotter til Jon Gunnarson Jukam. Dei er nemnde på Bagn i 1732 og -38 og på Jukam 1738—47. Barn:

1. Beret f 1732.
2. Jon f 1735 d 1738.
3. Ola f 1738.
4. Gunhild f 1742.
5. Nils f 1747.

Amund Tøsteinson Braka, Braka 44/bruk II, d på Jukam 1745 g 3. 1735 m *Ingebjørg Hallvorsdotter,* enkje frå Jukam.

Jon Olson øvre Jukam f 1728 g 1763 m *Rangdi Narvesdotter,* Haraskal under Torsrud, f 1734. Dei er nemnde på Roo i 1764 og -66 og på Jukam i 1767 og -71. Barn:

1. Ola f 1764.
2. Narve f 1766.
3. Henrik f 1767.
4. Ola f 1771.

Øystre Bagn

Frå Spangrudberge gjer Begnadalen ein krok mot aust og opnar seg sørover med ei elveslette i botnen. I vestvende bakkar ved foten av dalsida ligg dei gamle gardane, og nyare bruk har tøygt busetnaden oppover lia. Til Øystre Bagn høyrer også bruka i Gubberudgrenden i nord, høgt oppe på Spangrudberge, der lia flatar ut i ein avsats, og bruk som ligg spreidde i skogen lengre nedover dalen.

Namnet Bagn var rimelegvis fyrst knytta til den eldste garden, og gjekk sidan over til å bli brukt om heile soknet. Det er ikkje sikkert kva namnet tyder. Kan hende har det samanheng med adjektivet *bágr,* brukt om noko som er vanskeleg, hinderleg, rangsnudd eller leitt. Det kan sikte både til jordsmonn og terrengtilhøve. Tenkjer ein seg korleis farande folk langt attende opplevde utfordringane i Bagn, er den siste tolkinga ikkje urimeleg.

Elvenamnet Begna er venteleg avleidt, med i-omlyd, av Bagn. At to så like namn tilfeldig skulle opptre ved sida av kvarandre, verkar iallfall ikkje truleg.

Fram til mellomalderen var fleire gardar utskilde og rydda på Øystre Bagn. Under nedgangstida etter 1350 låg etter kvart nesten alle øyde, og i 1528 er det nemnt berre ein brukar. Eit språkleg minne om øydetida er namnet Bagnsøydgarden. Nokre gardsnamn, sannsynlegvis på Øystre Bagn, som me kjenner frå mellomalderkjelder, vart gløymde eller gjekk ut av bruk etter øydetida. Det gjeld Grimsgard (1354), Ogmundsgard (1375) og Otangard (1395), av mannsnamna *Grímr, Ǫgmundr* og *Auðun.*

Mellomaldergardane Spangrud og Sørbøen er båe nemnde som nyleg opprydda øydegardar i 1595, men var neppe rydda for ny busetnad så tidleg. Då var dei underbruk for andre gardar. I 1616 brukte Ola på øvre Bagn «Spangerud femark», og Ola på nedre Bagn Sørbøen, «en øde plass». Spangrud og Sørbøen fekk fyrst ny busetnad mykje seinare. Spangrud, eller helst berre ein del av den gamle mellomalderrydningen, var husmannsplass i ein periode, medan Sørbøen vart utskild som eige bruk.

Ned bakkane frå sør kom den gamle vegen over Leirskogen frå Land. I samband med denne vegen var det alt frå 1600-talet gjestgjevari på garden

Ungdomsstemne på Bagnsmoe i Valdres fylkeslag i 1902. I bakgrunnen Erstadgrende.

Gastgjevarhaugen. Moderne hotelldrift med tilreisande gjestar kom i gang på Breidablikk Sanatorium høgt oppe i lia frå 1886, der det klåre vatnet frå Olavskjelda var ein viktig attraksjon.

Før 1880-åra gjekk den gamle ferdavegen sørover frå Bagn på austsida av Begna. Mange gamle namn langsetter vegen fortel historie. Her er *Kræmarlykkja, Skyttarberget, Vadvika, Vadbrøtin* (Vabrøtin), *Gudbrandberget* — av di ein Gudbrand frå Dølvesetren drukna der, visstnok under fisking, *Ulvestugu,* ei ulvegrav som m.a. Johannes Johannesson i Biribakka brukte, lengre ut er *Fluguvike, Flugubrøtin* — det gamle namnet på Plassen, gamlevegen gjekk så ned *Nørdre dalen* i Biribakka, forbi *Prestlyu* og ut til brua over elva ved Sparkevikføssen. Den siste brua reiste i storflaumen i 1860. På austsida av elva står det att eit stort brukar, oppmura av gråstein.

På Øystre Bagn låg i mellomalderen ei stavkyrkje, i seinare tid kalla Ulekyrkja, av ur, steinur, uttala med tjukk l. Tomta kyrkja låg på og jordstykket omkring, er no freda. I 1734 vart det gjeve grunn til kyrkje, kyrkjegard og hestevang på Bagnsmoe, som også var ekserserplass eit par hundre år. Frå midten av 1700-talet hadde ein landkræmar tilhald på Øystre Bagn, og på 1800-talet kom ny handelsverksemd i gang på Kræmarmoe og Bagnsmoe. Ved Bagnsmoen var også ferjestad.

I Kvednelven var det i manns minne sju kvernar. Kvernane vart brukte vår og haust, om våren med flaumvatn og om hausten med vatn frå det oppdemde Damtjednet. Då ei tidsmessig mølle vart bygd ved Storebruføssen i 1890-åra, forfall dei gamle gardskvernane etter kvart. Frå gamalt dreiv også

Kvednelve to flaumsager. I 1910 vart det bygt eit lysverk, oppført av elektrikar O. Løkken.

Bustadbygging på Øystre Bagn har særleg skjedd på fire område. I Spangrudkroke lengst i nord er det mange eldre hus. I 1986 vart det utskilt eit bustadfelt til kommunen på om lag 20 da. frå Ellendshauge og Gastgjevarhauge — Spangrud-feltet. Spangrud var i si tid utskild frå Ellendshauge. Lengre sør er Skulejordet, Prestegardshagin og Klukkarmoen, utlagde til bustadfelt i tiåra etter krigen.

I Valdres 21.3.1925 fortel Iver Knutson Kleven f 1835, som reiste til Amerika frå Kleivabrøta under Jukam i 1867, om Bagn slik han mintest bygda. Den tilbakeskuande skildringa er ikkje fri for idylliserande trekk. Men han avsluttar med eit lite hjartesukk over utviklinga i den aller siste tida, vel ikkje så uvanleg:

«Min barndomsbygd er det vakre Bagn, som ligger i den så lovpriste og naturskjønne Valdresdalen. Der hengled mine barndomsår, der lekte jeg som smågutt og der levet jeg etter at jeg var blitt mann, der tilbrakte jeg de gladeste dager av mitt liv.

Som sagt, den så naturskjønne bygd Bagn, som ligger i et dalføre dypt under høye fjell på alle sider, hvorfra solen kaster sine vederkvegende stråler ned på det underfulle vakre landskap, hvor luften er så kjent for sin renhet, og hvor Begnaelven med sine høye fossefall med skum og sprøyt gjennomskjærer dalen, hvis smilende natur er så vakker og tiltrekkende at den neppe har sin like. På begge sider av elven sees en mengde prektige, vakkert oppbygde bondegårder, omgitt av gran-, furu- og bjørkeskog, som strekker seg like opp i åsene. Ja, var det ikke vakkert der du, som leser dette, og har sett det med dine egne øyne?

De deilige sommermåneder! Luften så klar, så tynn, så ren, så opplivende frisk — natten så kjølig, så lys, nesten som om dagen. Man kunne se å tre en nål ute midt på natten.

Det var et vakkert skue, når man var tidlig oppe om morgenen, å betrakte solens sølvkulørte skinn komme tilsyne i fjellets topp, langsomt glidende nedad liene, givende den slumrende skog en gulaktig, glinsende drakt. De små åkerlapper og engstykker oppe i liene, innimellom bjørkene, liksom lå og frydet seg i naturens skjønnhet. De små bekker rislet ned fra fjellets topp i freidige spring — noen steder i susende fart, som om de hadde hastverk; alt dette var så vakkert og opplivende.

Men vinteren! Den var ikke så tiltrekkende. Den var lang, kold, tilfrossen, mørk og lite innbydende selv i det sydllige Norge. Ti solen går lågt og stikker seg bakom de høye åser og gir således intet skinn på en del steder i midtvinters — men holder seg borte fra en del gårder fra 12 til 15 uker.

Dette er på den søndre side av elven, hvor fjellet stikker høyt opp, men på de fleste steder har man solen hele året. Vinteren var, som sagt, lang, men det var også meget å gjøre gjennom de lange vintermåneder. Enhver tid ble vel benyttet. En hel del høy måtte kjøres heim fra setrene og utmarkene. Ved måtte hugges og kjøres heim, tømmerkjøring til bygninger og tømmer til utsalg.

Som vi alle vet foretas all kjøring alminnelig med en hest, ikke som her med to. På større gårder holdtes mange tjenestefolk og husmenn. På sådanne gårder måtte mannfolkene i alminneligvis kl. 5 om morgenen på låven og treske, eller ut i skålen og hugge ved til lyse dagen. Kvinnfolkene gikk hver til sitt arbeide.

Etter å ha arbeidet ute om dagen med kjøring eller et og annet til det ble mørkt, fikk man for det meste noe kveldsarbeid til kl. 8.

I kjøkkenet var peis, hvori det brendtes så det gav både varme og lys over dette rom, som i alminnelighet var forsvarlig stort. Mennenes arbeid besto i å gjøre opp

forskjellige små ting, til benyttelse både ute og inne på gården, såsom sopelimer av bjørkekvister, økseskaft og trerokker m.m.

Kvinnene kunne kanskje to eller tre av dem ta hver sin rokk; en kunne gjøre tuller til dem som spant. Garnet måtte være spunnet og haspet og ligge ferdig til våren kom; ti da skulle vevredskapene stilles opp og tøyene veves for kvinner og menn og for barna.

Ja, husflid og industri florerte på denne tid, hvilket i sannhet brakte velstand inn i mangen heim. Alle arbeidet da flittig; grov i jorden, dyrket opp sine små jordflekker, så der vokste godt korn. Dette kornet tørket de og møllerne malte det på sine kverner; sunne retter ble laget herav, så folk ble helsige, friske og rødkinnete. Nå skal de ha Minneapolis Fluor, forstår jeg, og meget må kjøpes fra utlandet. Det betaler seg ikke å gjøre eller tilvirke noe heime, dessuten er det ikke fint og godt nok, hva som vokser og tilvirkes heime.

Elevane på Øystre Bagn skule 1922—23. Fremst frå venstre: Oddvar Iversen Berget, Oskar Aamodt Jordet, Gunnar Lønnum, Ivar Bang Ødegård, Birger Sollien, Oddgeir Biribakken, Hans H. Larsen, Oddvin Bang, Trygve Storbråten.

Andre rekkje frå venstre: Helga Dokken Granum, Inger Larsen Plassen, Anne Bang Tamburgarden, Gunvor Biribakken, Borghild Storbråten, Inger Dokken Granum, Marie Storbråten, Ingebjørg Dokken Granum, Anne Iversen Berget.

Tredje rekkje frå venstre: Ivar Larsen Plassen, Erling Bang Ødegård, Erik Haugsrud, Sverre Henriksen, Steingrim Haugsrud, Erland Haugsrud, Oddgeir Thorsrud, Olaf Odden Bagnsbergatn, Alfred Lønnum og Ivar Framnes.

Bakast frå venstre: Lærar og kyrkjesongar Ole O. Thorsrud, Borghild Stavedal og lærar Olaug Sørlie frå Hedalen.

Bagn

Øvre Bagn:
Gamalt matrikkelnr. 144. Skyld 1667: med underbruk 2 huder 9 skinn, utan underbruk 2 huder. Skyld 1782: 2 huder 1/2 skinn.
1838: **Nytt matrikkelnr. 34, ny skyld 10 dalar 3 ort 23 skilling.**
1888: **Gardsnr. 37, skyld 28 mark 90 øyre.**

Sør-Aurdal prestegard:
1838: **Nytt matrikkelnr. 35, før under nedre Bagn, ny skyld 5 dalar 3 ort 3 skilling.**
1888: **Gardsnr. 38, skyld 16 mark 15 øyre.**

Nedre Bagn, frå 1838 søre Bagn:
Gamalt matrikkelnr. 143. Skyld 1667: med underbruk 5 huder 5 skinn, utan underbruk 3 1/2 huder. Skyld 1782: 4 huder 2 1/2 skinn.
1838: **Nytt matrikkelnr. 36, ny skyld 19 dalar 9 skilling.**
1888: **Gardsnr. 39, skyld 43 mark 48 øyre.**

Området som frå 1500-talet høyrde inn under øvre og nedre Bagn, går i vest ned til Begna, har i nord dele mot Jukam, går i aust opp på Tonsåsen og grensar i sør mot Leite, Skaro og nedre og øvre Storøydgarde. Dei to Leitegardane er tidlegare plassar under nedre Bagn, slik at det gamle delet gjekk lengre sør mot Langedrag.

I 1702 var det åstadsak om grensa mellom øvre og nedre Bagn. Partane vart einige om at delet skulle gå frå skigarden som delte åkeren og enga og til Mikjelstjednet. Beitet vart som før.

I 1734 vart det inngått kontrakt om delet mellom Høvda i Etnedal, Storøydgarden og nedre Bagn.

I 1734 inngjekk brukarane på nedre Bagn kontrakt om delet for «Finhæl»-skogen (Finnhert), som høyrde under nedre Bagn bruk I og II. Då Ivar Sjugurdson på bruk I i 1739 stemna Kristafer Bagn på bruk IV for å ha hogge sagtømmer og slått høy i Finnhertskogen, viste han til kontrakten frå 1734.

I 1737 delte brukarane på nedre Bagn sameiga i utmarka mellom seg.

I 1740 stemna Kristafer Olson på nedre Bagn bruk IV, eller Øydgarden, Ivar Sjugurdson på nedre Bagn bruk I for å ha hogge og teke sagtømmer som var nedhogge i engeslettet *Langleite*. Slettet hadde frå uminneleg tid høyrt under gardparten til Kristafer, heiter det. Dei vart forlikte såleis at Ivar skulle ha Langleiteslettet og skogen medan Kristafer fekk den søre bråten på *Bjørneberge* og all skogen der.

I 1787 delte Ellendshaugen og Gastgjevarhaugen skogen og utmarka mellom seg.

Arkeologiske funn på Øystre Bagn vitnar om gamal busetnad. Fleire pilespissar av jarn, eit einegga sverd av jarn frå yngre jarnalder, ein skjoldbule og ei jarnøks har kome for dagen. På båe sider av Begna, særleg på den flate Bagnsmoe, skal det ha lege fleire gravhaugar, men i 1944 var berre to røyser att.

Under nedgangstida etter 1350 låg praktisk talt alle dei gamle gardane på Øystre Bagn øyde. I 1528, før den nye framgangen sette inn, er berre *Endre* nemnd som brukar. Seinast i andre halvdel av 1500-talet var to gardar komne i drift, kalla øvre og nedre Bagn. Øvre Bagn var skattemessig vurdert som halvgard, medan nedre Bagn etter 1600 vart flytta opp frå halvgard

til den øvste skatteklassa som fullgard.

Tiende *1661: Øvre Bagn:* 1 tønne bygg, 1/2 setting rug. *Nedre Bagn:* 2 3/4 tønner bygg, 2 settingar rug. Tiende *1666: Øvre Bagn:* 1 tønne bygg, 1/8 tønne rug. *Nedre Bagn:* 1 1/8 tønne 1 setting bygg, 1/8 tønne 1 1/2 setting rug. Matrikkel *1667: Øvre Bagn:* Krona eig 1 skinn i Hafton engeland på «Femmilsskogen» (Leirskogen), og 4 skinn i «Stavbømarken» (Stanfinnmarke). Bonden eig 4 skinn i eit engeland kalla «Rispeli» (Espeli). Garden har tømmerskog, men med vanskeleg åtkome, ei bekkekvern, og er pålagd å plante humlehage. Under *nedre Bagn* blir brukt 4 skinn i nedre Dølve engeland, 1/2 hud 1 skinn i Storøydgarde og 1/2 hud i Langøydgarde på Leirskoge, og Sjugurd Bagn eig 2 skinn i eit engeland (Klauvrud). Garden har sagtømmerskog, bekkekvern, ein nyleg opparbeidd humlehage, og er pålagd å dyrke rydningsland.

Matrikkel *1723: Øvre Bagn* har skog til husbehov, men ingen skog til underhald for dyra, seter i bygdeutmarka som gjev 3—4 lass høy, og kvernstø. Jorda er god til åkerbruk, men slett til eng. *Nedre Bagn* har skog til husbehov, med tida kan skogen vekse noko til sagtømmerskog. Seter i allmenningen som gjev 6—7 lass høy og ei heimseter som gjev 4—5 lass. Garden har fire flaumkvernar, driv noko fiske, ei flaumsag og ligg måteleg til.

Matrikkel *1761: Øvre Bagn* har seks husmenn, kan hogge 36 tylfter sagtømmer, ei sag, og pengar til skattar og utgifter kjem i fyrste rekkje frå skogen. *Nedre Bagn* har fem husmenn, kan hogge 15 tylfter sagtømmer, ei sag, og pengar til skattar og utgifter kjem frå skogen.

Matrikkel *1782: Øvre Bagn:* Tre plassar. *Nedre Bagn:* To plassar.

Ved kløyving og utskiljing vaks det etter kvart fram mange gardar og bruk på Øystre Bagn. På *øvre Bagn,* den eine av dei to gamle gardane, kan me på slutten av 1600-talet skilja mellom to bruk, bruk A og B. Frå kring 1700 var det tre partar, bruk I, II og III, kvar med ei skyld av 8 skinn. I 1709 gjekk bruk I og II saman, men vart delt i to i 1719 og -20. Den eine delen vart Ellendshaugen bnr. 2. Den andre delen kom saman med bruk III i 1732, og vart Gastgjevarhaugen bnr. 8.

Under Ellendshauge låg plassen *Skomakarbrøtin* eller Bagnsbergatn bnr. 1, som alt på 1700-talet var sjølveigarbruk, og vart skyldsett i 1813. Gubberud under Ellendshauge, skyldsett i 1822, vart i 1845 delt i søre Gubberud bnr. 6 og nørdre Gubberud bnr. 7. I 1841 vart Storebruføssen bnr. 9 utskild, som saman med eit areal frå Jukam seinare vart Fjellheim hotell. Fremredalen bnr. 5 vart utskild frå Ellendshauge i 1861 og Dønhaug bnr. 14 i 1898.

Frå Gastgjevarhauge vart Bjørkelund bnr. 11 utskild i 1889, Kræmarmoen bnr. 22 i 1912 og Gimle bnr. 25 frå Kræmarmoe i 1918.

På *nedre Bagn* var i 1664 fire bruk: bruk I, II, III og IV.

Nedre Bagn bruk I vart i 1758 delt i to, bruk Ia og Ib. I 1808 vart desse to partane selde og utlagde til den nye Sør-Aurdal prestegard etter at det gamle Aurdal prestegjeld var delt i Nordre- og Søndre Aurdal prestegjeld i 1805. Under bruk I låg plassen nørdre Leitet, som saman med søre Leitet under bruk II i 1838 vart matrikulert som eige matrikkelnummer, frå 1888 gards-

Frå Øystre Bagn sist på 1800-talet. Frå øvst til venstre Ellendshaugen, nørdre og søre Jordet, lengre ned Tamburgarden, Flatåker og Sørbøen, nedst Bagnsmoen med militærbua til venstre, stallane nærare kyrkja, og ved kyrkja står stupulen enno. Den gamle skulebygningen til høgre for kyrkja var den fyrste faste skulen i Sør-Aurdal. Til høgre prestegarden. I forbrunnen Liffengren og Søvøll.

nummer 49. Husmannsplassane under Sør-Aurdal prestegard vart frå 1900 utskilde som sjølveigarbruk: Milevatnet bnr. 4 i 1900, Biribakkin bnr. 5 og Lindelie bnr. 6 i 1910 og Plassen bnr. 8 i 1925. Frå Biribakka vart Nyvegen bnr. 9 utskild i 1926.

Frå *Nedre Bagn bruk II* vart søre Bagnsjordet bnr. 13 fråseld i 1738. Sørbøen bnr. 1 vart frådelt i 1769, og resten av bruk II vart Tamburgarden bnr. 5. Frå Sørbøen vart Klukkarmoen bnr. 4 utskild i 1834 og seinare utvida med areal frå Tamburgarde og nørdre Bagnsøydgarde. I 1897 vart Framnes bnr. 21, Brubakklykkja bnr. 22 og Brubakkin bnr. 23 utskilde frå Sørbøen. Nygård bnr. 30 vart utskild frå Brubakklykkjun i 1904. Nørstebøen bnr. 68 og 69 vart utskild i 1947 frå Sørbøen og Kirkevoll bnr. 43, som var kjøpt til Sørbøen frå nørdre Bagnsjorde.

Under *nedre Bagn bruk III,* Bagnsjordet, av skyld 9 skinn, låg plassen Ure (Ule). Ure var pantegods nokre ti-

år til 1760-åra, men gjekk deretter attende til garden. I 1830 vart Bagnsjordet delt i to: Flatåker bnr. 7 og nørdre Bagnsjordet bnr. 12. Frå nørdre Bagnsjorde vart Sagstugu bnr. 26 utskild i 1902 og Kirkevoll bnr. 43 i 1914. Granum bnr. 45, som før var haustsetra Kroken, vart utskild frå Kirkevoll i 1916, og Nørstebøen skog bnr. 68 frå Kirkevoll i 1947.

Nedre Bagn bruk IV, Bagnsøydgarden, vart i 1857 delt i nørdre Bagnsøydgarden bnr. 15 og søre Bagnsøydgarden bnr. 10. I 1886 vart Trondsetre, den gamle haustsetra under Bagnsøydgarde, utskild frå båe Bagnsøydgardane til tomt for Breidablikk Sanatorium, Breidablikk bnr. 11 og 16, og eit anna areal vart utskilt same år frå Flatåker som Breidablikk bnr. 8. Vabrøtin bnr. 49 vart utskild frå nørdre Bagnsøydgarde i 1917. Frå søre Bagnsøydgarde vart Finnhert bnr. 24 utskild i 1900 og Bergabrøtin bnr. 34 i 1910.

Kring midten av 1600-talet setra Bagnsbrukarane på øydegardar på Leirskoge, men flytta deretter over til Veståsen.

I juni 1714 var det åstadstak på Brattrud. Aslak Hallvorson Brattrud og Alv Trondson Leistrud på eigne og på vegner av dei andre frå nedre Reinli hadde stemna oppsitjarane på øvre og nedre Jukam, Hallvor og Trond Bagn, Kari Tøsteinsdotter Bagn og Gullik øvre Bagn. Dei sistnemnde hadde trengt seg inn i seter- og åsmarker til saksøkjarane på Ellingsetre ved Bøve og Blomstølen. Her hadde dei rydda, bygt og gjerda inn, og såleis stengt dei andre frå den eldgamle setervegen sin. Ola Bjørnson Storøydgarden, 63 år gamal, prova at dei førre Bagnsoppsitjarane Gudbrand og Sjugurd setra på Storøydgarde og dei på øvre Bagn på Stanfinnmarken og Høgøydgarde. Men då folk tok til å bu på desse gardane, flytta Bagnsbrukarane med setring vest på åsen. Dei på øvre Bagn bygde seter ved Hallkinn, og har lege der kvar sumar sidan. Jukam har hatt seter på Langsetren på Veståse frå før Ola var fødd, fortel han. Brukarane på nedre Bagn har sete på Nysetren. Dei saksøkte fekk rett til å behalde setrane, som dei no hadde hevd på, men fram- og tilbakereise skulle avtalast.

Setrar 1935, med avstand heimanfrå: Gnr. 37: Ellendshaugen bnr. 2: Blomstølen, 10 km, ikkje i bruk. Gubberud bnr. 7: Ellingsetre, 10,5 km. Gastgjevarhaugen bnr. 8: Høvreslie, 16,5 km. Bjørkelund bnr. 11: Bekkevøllen på Skålesetro, 7,5 km. Gnr. 38: Milevatnet bnr. 4: Mørkedalen, 2 km. Biribakkin bnr. 5: Høvssetre, 6,5 km. Plassen bnr. 8: Brattrudsetre, 10 km. Gnr. 39: Sørbøen bnr. 1: Lundehaugen, 14 km. Tamburgarden bnr. 5: Høvssetre, 8 km. Flatåker bnr. 7: Preststølen, 10 km. Øydgarden bnr. 10: Langsetre, 9 km. Nørdre Bagnsjordet bnr. 12: Ølnessetre, 7 km, ikkje i bruk. Søre Bagnsjordet bnr. 13: Heggebu, 13 km. Brubakklykkja bnr. 22: Mørkedalen, 3 km.

I lia over dei gamle gardane voks det fram ei rad husmannsplassar. Nokre låg også i dalbotnen. Under *øvre Bagn* høyrde på 1700-talet plassen Stryken ned mot Begna. Av dei fire plassane i Gubberudgrenden var Bagnsbergatn sjølveigarbruk alt på 1700-talet. Dei to Gubberudplassane vart sjølveigarbruk før 1850, og Fremredalen i 1861. Spangrud er etter kvart utstykka til tomter, Brue ved fossen gjekk inn i eigedomen Berg i Bagn, og Dønhaug vart utskild i 1898. Alle dei tre sist-

nemnde var plassar under Ellendshauge. Under Gastgjevarhauge låg Renna, Brøtin, Svee og Rushaug.

Den eldste plassen under *nedre Bagn* var truleg Bagnsmoen, som etter 1800 gjekk inn i andre einingar. Sør-Aurdal prestegard, før nedre Bagn bruk I, hadde plassane Milevatnet, Biribakkin, Lindelie og Plassen, før kalla Flugubrøtin. Alle desse vart sjølveigarbruk. Til søre Bagnsjordet høyrde heimane Rennutn, Rud og Strykjelykkja. Sørbøen hadde London, seinare nedlagd, Brubakklykkja og Brubakkin, dei to sistnemnde utskilde som sjølveigarbruk. Flatåker hadde Bagnslie, nedlagd, og Bagnslykkja, som vart sjølveigarbruk. Under nørdre Bagnsjorde låg Berget og Bagnsbakkatn, både nedlagde. Nørdre Bagnsøydgarden hadde plassen Vabrøtin, som vart sjølveiarbruk, og søre Bagnsøydgarden Finnhert, Bergabrøtin og Rabben. Rabben vart nedlagd og dei to fyrstnemnde sjølveigarbruk. Plassen Finnhert låg opphavleg under Tamburgarde og Sørbøen. Under nedre Bagn bruk IV, eller Bagnsøydgarden, låg også Bagnsbrøtin, som saman med Finnhert vart skyldsett i 1826.

Den gamle hovudvegen over Leirskogen frå Tomle i Land kom ned forbi øvre Bagn. Frå før 1663 var det gjestgjevargard her, seinare skysstasjon og hotell. I 1745 er avstanden frå Kristiania oppgjeven til 18 mil og frå Tomle 2 1/2 mil.

Å vera gjestgjevar gav dårleg forteneste. I 1663 klaga Mikjel Bagn til statthaldaren på Akershus over å ha ein ryttar innkvartert. Mikjel måtte både underhalde ryttaren og betala 6 1/2 rd. 4 skill., og var dessutan gjestgjevar. Nokre av pålegga måtte han vel kunne sparast for, meinte Mikjel. I 1685 heiter det at gjestgjevargarden i Bagn har dårlege vilkår. Det er lite å få hjå fattige fjellfolk, slik at den reisande må vera sjølvforsynt med det ein treng til underhaldning. Då futen i 1690 oppmoda gjestgjevarane til å betala skatt etter oppgåve frå rentekammeret, sa m.a. oppsitjaren på Bagn at vilkåra hans var så dårlege at han hadde meir skade enn gavn av gjestgjevariet.

I 1647 vart nedre Bagn utpeika til postgard. I 1689 heiter det at posten blir overteken på garden. Posten frå Bergen blir ført 2 1/2 mil til Brone eller Esbjuk i Land, og posten frå Kristiania annakvar veke 1/4 mil til Jukam.

I 1775 var det skore 110 bord på saga til Bagn. I juli 1821 var det synfaring på to sager i Kvednelven. Den eine høyrde til prestegarden, Mikjel Mikjelson på Øydgarde, Ola Arneson på Ellendshauge, Ola Steingrimson på Gastgjevarhauge, Ola Olson Erstad og Ola Mikjelson og Hallvor Knutson Torsrud. Prestegarden åtte 1/4, Ola Arneson 1/4 og Mikjel Mikjelson, Ola Olson Erstad, Ola Mikjelson Torsrud og Hallvor Knutson Torsrud kvar 1/8. På saga kunne årleg skjerast 4 tylfter tømmer. Den andre saga åtte Ola Olson, Ivar Hallvorson, Ola Embrekson og Ola Hansson Bagn. Saga hadde lenge stått ubrukt, men var sett i gang året før. Årleg kvantum her var også 4 tylfter.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761*	27	92	119

	Bonde-folk	Teneste-folk	Husmanns-folk	Handverks-folk	Arbeids-folk	Fattig-folk	Andre	
1782*	65	17	41			1	29	153
1801	51	8	67		7	3	2	138
1865	92	33	115			6	37	283
1900	109	25	66	23	17		52	292

*Omfattar heile matrikkelnummer 143 og 144.

Husdyrhald, utsæd og avling 1657—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1657	15	61	55			
1667	7	46	58	10 5/8		
1723	9	58	70	16 1/4		
1761*	19	128	236	37	136	132 lass
1782*	15	123	192	38	181	454 lass
1866	17	108	170	63 3/4	424	798 skpd.
				korn		
				106 1/2	675	
				poteter		

*Omfattar heile matrikkelnummer 143 og 144.

Eigarar

Av dei 3 hudene og 4 skinn som er registrerte under *nedre Bagn* i 1647, var 2 huder i bondeeige, 1 hud åtte Peder Alfsen og 4 skinn var Nesøygods. Den siste parten var nedre Dølve engeland, som i 1661 høyrde til borgarmeister Nils Lauritsen i Kristiania. I august 1648 makeskifta statthaldar Hannibal Sehested fleire gardar med krona, m.a. Bagn i Valdres av skyld 1 hud. Dette kan vera den same parten som Peder Alfsen åtte i 1647. I 1670 eig Oslo hospital 1 hud, i nedre Bagn. I 1737 kjøpte brukarane på nedre Bagn bruk I og nedre Bagn bruk II hospitalsgodset for 160 rd.

Øvre Bagn har vore bondeeige så langt attende me kjenner.

Øvre Bagn, gnr. 37

I landskattelistene 1612—46 er *Ola* brukar. Han bygsla også 4 skinn i Stanfinnmarken, som sonen Mikjel bygsla i 1641. Barn som me kjenner:

1. *Mikjel* f ca. 1616, neste brukar.
2. Anne, gift til Finni i Land.
3. Åste, gift til Breie i Etnedal.

Mikjel Olson f ca. 1616 d 1700 er ført som brukar frå 1647 til han i 1680 er saman med sonen Ola. Deretter er Mikjel dels ført åleine, dels saman med Ola, dels saman med versonen Per Ivarson. Barn som me kjenner:

1. *Ola*, brukar ei tid, gm Guri Gudbrandsdotter, sjå Hafton.
2. Anne gm Timann Gullikson Torsrud, brukar ei tid på bruk A, sjå søre Torsrud.
3. Beret gm Per Ivarson Søreim, hadde bruk B ei tid.

I 1646 kjøpte Ola, far til Mikjel, 1 hud odelsgods i øvre Bagn av Knut Engebretson «Aadnelien». I 1690 stemna Jens Torgerson Mikjel Olson for denne huda, som han meinte å eige saman med farbroren Knut Engebretson, no Knut Engebretson Skinnrud. Mikjel, som viste lovleg åtkome og hadde meir enn dobbelt hevd, vart frikjend for tiltalen.

I 1653 pantsette systrene til Mikjel, Anne på Finni i Land og Åste på Breie i Etnedal, 7 skinn i øvre Bagn til Mikjel for 30 rd.

I 1671 fekk Mikjel engelandet Klauvrud på 2 laupsbol i pant for 32 rd. av Knut Larsson Erstad, Gudbrand Kollsgard og Jakob Revling.

På tinget i september 1651 var det sak mot Knut Johanson, som før hadde budd på Håvålsrud i Land. Knut hadde stole ei koparkjele frå Mikjel Bagn, verdsett til 8 rd. Medan Knut sat fengsla for tjuveriet, rømde han og stal ei vadmålskvinnetrøye. Lensmannen i Aurdal opplyste at denne tjuven hadde stole to blakke hopper m.m., og Mikjel Bagn fortalde at han hadde stole andre ting. For alle tjuveria vart Knut Johanson dømd til å miste livet, med mindre han fekk nåde.

I mars 1685 vart barna til Mikjel Olson einige om å dele jordegodset. Sonen Ola skulle arve øydegarden Espeli 4 skinn, Berg øydegard (Langøydgarden) 3 skinn og 6 skinn i øvre Bagn, og systrene Beret og Anne kvar 9 skinn i Bagn.

Ola selde same år 1/2 hud til verbrørne Per Ivarson Bagn og Timann Gullikson Torsrud for 50 rd., 3 skinn til kvar, og flytta sjølv til Hafton. På øvre Bagn var det no i nokre år to partar, bruk A og B, kvar av skyld 1 hud.

Øvre Bagn bruk A

Bruk A åtte *Timann Gullikson Torsrud*. Her ser *Ola Erikson Høve* g 1693 m *Gjartrud Persdotter Bagn* f ca. 1669 d 1704, øvre Bagn bruk B, ut til å ha vore leiglendingar. Dei er nemnde heile tida på Bagn. Ola Erikson kom seinare til Byffellie i Etnedal.

I 1700 selde Ola Erikson Bagn, Sjugurd Erikson Eid og Knut Erikson Kollsgard 1 skinn i Hølldal til Knut Olson.

I 1705 var Ola stemna av Timann Torsrud fordi han, mot lovleg oppseing, hadde pløgt og sådd på øvre Bagn. Dei vart einige om at Ola til neste faredag skulle ryddiggjera garden for Ti-

mann, med unnatak av ei stugu. Barn til Ola og Gjartrud som me kjenner i Sør-Aurdal:

1. Erik f 1694 d 1695.
2. Erik f 1696.
3. Per f 1699.
4. Embrek f 1702.

Øvre Bagn bruk B

Per Ivarson, i 1670 brukar på øvre Søreim i Aurdal, også kalla Per Ivarson Bagn, g 1. m *Beret Mikjelsdotter Bagn.* Ved skiftet etter Beret på Bagn i 1690 åtte buet 1 hud i Bagn. Barn:

1. Ivar f ca. 1667, til Søreim.
2. Gjartrud f ca. 1669 gm Ola Erikson Høve, sjå øvre Bagn bruk A.
3. Mikjel f ca. 1671 gm Kjersti Tåmåsdotter, til Berg i Etnedal.
4. Erik f ca. 1674, gm Guri Gudbrandsdotter, nedre Bagn bruk II, til Berg i Etnedal. På Bagn fekk dei barna Ola f 1700, Inger f 1703 og Per f 1705. I 1695 fekk Erik sonen Tåmås med Torunn Tåmåsdotter Søreim.
5. Barbro f ca. 1680.
6. Gunnar f ca. 1683.
7. Beret f ca. 1686.

Per Ivarson g 2. 1694 m *Barbro Nilsdotter.* I 1703 overdrog Per Ivarson på øvre Søreim 2 skinn i øvre Bagn til sonen Mikjel fordi Mikjel alltid hadde vore hjelpsam og lydig mot far sin og no innløyst 2 skinn i øvre Søreim til Per.

Timann Torsrud og Per Søreim var i juni 1706 stemna av Mikjel Olson Hafton for ikkje å ville ryddiggjera øvre Bagn, som Mikjel hadde odels- og åsetesrett til. Mikjel var eldste son etter faren, førnemnde Ola Mikjelson frå øvre Bagn. Difor vart han tilkjend odelsretten, og fekk frå fyrstkomande faredag i 1707 overta dei 6 skinna som faren hadde selt. Til Timann og Per skulle Mikjel betala 50 rd. Når det galdt resten av garden, 1 1/2 hud, måtte Mikjel prove retten sin ved særskild stemning.

På hausttinget i 1706 fremma Mikjel saka si på nytt. Partane vart då einige om å dele øvre Bagn i tre. Mikjel skulle eige 8 skinn i staden for 6, bruk III, og Timann Torsrud på vegner av kona si og Per Ivarson Søreim likeins 8 skinn kvar, bruk I og II. Ved fleire handlar fram til 1732 vart desse partane til dei to gardane Ellendshaugen og Gastgjevarhaugen.

Øvre Bagn bruk I

Son til Timann Torsrud, *Gullik Timannson,* sjå Gastgjevarhaugen 37/8, overtok denne parten.

I 1709 vart Gullik Bagn dømd til å betala ei bot på 6 lodd sylv for å ha slått Siri Bårdsdotter i hovudet. Gullik vart sint då Siri — kan hende ei husmannskone — skar noko gras.

I 1709 makeskifta Gullik Timannson til seg bruk II frå Mikjel Person, son til Per Søreim, mot 5 skinn i Berg i Etnedal, og betalde 46 rd. i mellomlag. I 1713 stemna Ola Erikson Byffellie Mikjel Person Berg fordi Mikjel hadde makeskifta bort odelen til barna hans i øvre Bagn, 1 mål og 16 stenger, som dei hadde arva etter mora, Gjartrud

Persdotter. Mikjel ville betala godset, og Ola godtok 10 rd.

I 1719 pantsette Gullik Timannson 6 skinn til Ellend Arneson i 27 år for eit lån på 310 rd. Dei 6 skinna omfatta *Etnedalsåker'n, Humlegardsåker'n,* den nedste åkeren i *Veslejorde*, og til engeland *Veslejordet* ned til smiuveggen og nedst på *Etnedalsåkere* oppetter nørdre *Brøtin* i utgarden, samt 4 mål i Gubberud, synst og øvst på vollen, med høylyu der.

I 1720 selde Gullik nye 2 skinn, *Gulliksparten* med husmannsplassen Gubberud, til Ellend for 373 rd. I salet inngjekk alle gamle hus og tomter sør i garden Bagn, samt tre små nautgardar, ein humlegard, del i ei kvern og setra Tangehølet. Bruket til Ellend vart Ellendshaugen bnr. 2 og bruket til Gullik, saman med bruk III som Gullik kjøpte i 1732, Gastgjevarhaugen bnr. 8.

Ellendshaugen bnr. 2

Ellendshaugen har fått namn etter *Ellend Arneson søre Fønnhus* f ca. 1683 d 1762 g 1. 1707 m *Anne Olsdotter* f ca. 1679 d 1732. Ved skiftet etter Anne var bruttoeiga 808 rd. og nettoeiga 766 rd. Barn:

1. Arne f 1709 d 1712.
2. Ola f 1716 g 1. 1735 m Ingebjørg Gulliksdotter Bagn, Gastgjevarhaugen 37/8. Dei fekk i 1735 sonen *Arne*, neste brukar. I 1736 kjøpte Ola 6 skinn i Landmark. Ingebjørg døydde i 1737 på Landmark, og Ola g 2. 1738 m *Jøren Tørrisdotter Ton.*
3. Arne f 1718 d 1718.
4. Gunhild f 1722.

Ellend Arneson g 2. 1732 m *Marit Bjørnsdotter Stavadalen,* søre Stavadalen bruk I, f 1703. Barn:

1. Anne f 1733 g 1. m Knut Tøsteinson Bagn, g 2. m Bjørn Gudbrandson Stavadalen, sjå båe gonger søre Stavadalen bruk I.
2. Marit f 1738 gm Kristafer Hanson Bagn, sjå nedre Jukam 36/5.

Marit Bjørnsdotter g 2. 1763 m *Ola Timannson nørdre Torsrud.*

Sonesonen Arne Olson, son til Ola Ellendson, vart brukar etter Ellend Arneson. I 1764 kjøpte Arne garden samt Hallingsetre frå dei andre arvingane for 522 rd. Ola Timannson Torsrud hadde også selt Arne setra Blomstølen for 20 rd.

Arne Olson f 1735 d 1776 gm *Marit Halldorsdotter Bjørgo* f ca. 1740 d 1768 i barselseng. Barn:

1. Ingebjørg f 1764 gm Knut Olson Sjurud.
2. *Ola* f 1765, neste brukar.
3. Halldor f 1766 gm Live Jeremiasdotter, sjå Bagnsbergatn 37/1.
4. Gullik f 1768 d 1790.

Arne Olson g 2. 1770 m *Ingebjørg Knutsdotter Klauvrud* f 1744 d 1775 i barselseng. Barn:

1. Knut f 1771 gm Gjartrud Hallvorsdotter Bagn, sjå nedre Roo 15/1.
2. Marit f 1774.
3. Arne f 1775.

Arne Olson g 3. 1776 m *Siri Persdotter* f ca. 1726. Siri g 2. 1777 m *Ola Ivarson Dølveseige,* sjå nørdre Dølvesetre 48/10.

I 1782 var *Ellend Olson* gm *Beret Knutsdotter* brukarar, kan hende hadde dei garden til Ola Arneson kunne overta. Ellend og Beret fekk i 1781 dottera Anne.

Ola Arneson f 1765 d 1846 overtok mogleg kring 1787 då han gifta seg med *Marit Mikjelsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk IV, f 1767 d 1826. Barn:

1. Marit f 1788 d 1831.
2. Arne f 1791 d 1791.
3. *Arne* f 1792, neste brukar.
4. Mikjel f 1794 gm Dordi Arnesdotter Braka, sjå Spangrud under Ellendshauge.
5. Marit f 1798 d 1798.
6. Marit f 1799 gm Tåmås Gudbrandson Landmark.
7. Ola f 1802 gm Ingebjørg Olsdotter Austegarden, sjå Spangrud under Ellendshauge.
8. Guri f 1804 d 1809.
9. Gunhild f 1807 gm Ellend Sjugurdson Skarasetre.
10. Sjugurd f 1809.
11. Guri f 1813 g 1. m Ola Olson Dølve, sjå nedre Dølveskamben 48/6, g 2. m Arne Olson Lundatn, sjå Øylund 50/9.

Ola Arneson selde i 1822 garden med setra Blomstølen og engelandet Vingerøya for 200 spd. til sonen Arne Olson. Unnatekne frå salet var Gubberud og setra Ellendslie, som Ola selde same år til sonen Mikjel.

Arne Olson f 1792 d 1880 g 1. 1819 m *Tøren Olsdotter Klosbøle* f ca. 1798 d 1841. Barn:

1. Marit f 1820 gm Ola Olson søre Bagnsjordet.
2. Tora f 1823 gm Mikjel Olson søre Bagnsjordet.
3. Anne f 1825 d 1829.
4. Siri f 1828 gm Jul Gunnarson øvre Jukam.
5. *Ola* f 1831, kalla «Stor-Ola», neste brukar.
6. Ola f 1834 gm Gjartrud Eriksdotter Pikhaug, sjå Haug 12/20. Ola og Gjartrud flytta i 1868 til Gausdal.
7. Arne f 1839.

Arne Olson g 2. 1842 m *Gjartrud Ivarsdotter Leistrud.* Gjartrud kjøpte øvre Jukam 36/1 i 1870, og ho og Arne flytta dit.

I oktober 1842 var det takst i samband med skiftet etter Tøren Olsdotter. Ellendshaugen åtte 1/4 i ei sag, hadde rett til maling til behov på mølla ved Storebruføssen samt 2 spd. i årleg grunnleige av møllebruket, hadde tre husmannsplassar og setra Blomstølen. På garden fødde dei årleg 1 hest, 9 naut og 30 småkrøter, og avla 30—40 tønner bygg og 60—80 tønner poteter. Taksten vart 980 spd.

Ola Arneson f 1831 d 1921 kjøpte garden av faren i 1859, g 1857 m *Anne Maria Gunnarsdotter Nordåk* f 1835 d 1882. Barn:

1. Tonetta f 1858 gm Arne Håvelson Braka, sjå Braka 44/1.
2. Arne f 1860 d 1863.
3. Gunder f 1862, til Amerika 1881.
4. Guri f 1864 gm Anders Evenson Renden, sjå Bergli 36/8.
5. Marit f 1865 gm Martin Olson Dølvesknatten, sjå Berg i Bagn.
6. Arne f 1869, til Amerika.
7. *Ole* f 1872, neste brukar.
8. Maren f 1875 d 1966.
9. Elise f 1878 gm Petter Pedersen, Gjøvik.



Det gamle tunet på Ellendshauge, nok det einaste i Bagn no der alle dei gamle husa står. Loftet til venstre vart i andre halvdel av 1800-talet flytta opp frå Gastgjevarhauge, der det hadde vore brukt til overnatting for ferdafolk. Bak loftet er stall og vognskjul. Stuguhuset er oppsett av Svein Tråset — «Svein Kyrkjebyggjar», og nedst er fjøs og låve. Heilt til høgre livaursstugu. Den siste som budde der, var Maren Olsdotter Erlandshaugen f 1875. Maren hadde ein fin blomsterhage.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 26 mål svært god åker og dyrka eng, 36 mål godt slåtteland, frå Spangrud og Blomstøle kom 48 skippund godt høy, 7 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast for sal, dei lauva 1000 kjerv og garden var godt brukt. I 1865 hadde dei 1 hest, 10 naut, 13 sauer, 4 grisar, og sådde 8 settingar rug, 2 tønner bygg, 2 1/2 tønner blandkorn, 1 setting erter og 6 tønner poteter.

Branntakst 1880: 1. Eit våningshus med to rom i fyrste høgda, tre rom i andre, foran inngangsdøra er ein oljemåla portal og taket er av bord og stein. 2. Eit stabbur med fire rom og steintak. 3. Ein låve med åtte rom og steintak. 4. Ein stall med seks rom, bord- og flistak.

Ole Olson Erlandshaugen f 1872 d 1942 fekk heimel på skiftet etter faren i 1921. Ole hadde gått underoffisersskule.

I 1942 fekk nevøen *Hans Brager* f 1881 d 1957 skøyte frå buet etter Ole Olson.

Toralf Brager, Dalen 41/5, f 1919, nevø til Hans Brager og oppvaksen på Braka, overtok i 1948, gm *Guri Hel-*

land, søre Hellandshølen 54/13, f 1916. Barn:

1. Hans Olav f 1950 gm Gerd Bakkene, Øystre Slidre, busette der.
2. Anne Marie f 1955 gm Per Gabrielsen, Søndre Land, sjå Solstad 37/31 og 33.
3. Knut Håvard f 1957 gm Bente Rundborg, Nordre Land.

Ellendshaugen har 50 da. dels temmeleg brattlendt dyrka jord og 1100 da. skog. Den gamle gardsvegen gjekk bratt opp frå Gastgjevarhauge. Namn i innmarka er *Badstuguåker'n, Veslejordet,* som ligg øvst i jordet, bak kårstugu, nedst på jordet på flatare lende ligg *Dokke* med *Dokkalyu,* og bakken nedafor gamletunet er *Storåker'n.*

Det gamle tunet ligg oppe på haugen, øvst i jordet, i same høgd som tuna på nørdre og søre Bagnsjorde. Her er ei fullstendig samling av gamle hus, som det er sett i gang arbeid for å ta vare på. Våningshuset frå 1700-talet skal vera bygt av «Svein Kyrkjebyggjar». Det store loftet stod før på Gastgjevarhauge, der det i si tid vart nytta til overnatting for reisande, sjå også øvre Bagn bruk III. Etter tradisjonen var biskop Erik Pontoppidan her på ei ferd i 1749 frå Bergen, over Fillefjell og gjennom Valdres til Kristiania. Dei andre husa på gamletunet er ein stall med trev over og vognskjul, ei tømra, tredelt låve med fjøs under og ei livaursstugu. Bak stallen har det stått ei badstugu, og eit sumarfjøs ovafor stallen er rive.

Det nye tunet med bygning frå 1959 og uthus frå 1970 er bygt lengre ned. Ellendshaugen hadde oppgangssag i *Harabrennbekke,* som Knut i Sveen hadde laga, i delet mellom Ellendshaugen og Gastgjevarhaugen. Ei ny gardssag er frå 1954.

På setra Blomstølen er ikkje hus. Ellendshaugen bruker setra Vågvollsdalen i Nordre Land.

Solrud bnr. 29

Bustadhus på tomt utskild frå Ellendshauge i 1926, bygt av *Martin Syverson Framnes,* sjå Framnes 39/21,25, som hadde vore i Amerika.

Kring 1949 selde Martin Framnes til broren *Einar Framnes* f 1895 d 1970 gm *Dorthea Bråten,* Aurdal, f 1895 d 1959. Barn:

1. *Sigurd* f 1918, eigar no, skogsarbeidar.
2. Gudrun Synnøve f 1927 d 1933.

Solstad bnr. 31 og 33

Bustadhus på tomt utskild frå Ellendshauge i 1934, bygt av *Ola Alsmo,* Luster i Sogn, f 1892 d 1979 gm *Magnhild Smeby,* Bagn, f 1892 d 1972. Ola reiste som emissær og Magnhild var postopnar på Bagn. Huset vart testamentert og overdrege til *Norsk Luthersk Misjonssamband.*

Nye eigarar frå 1983 er *Per Gabrielsen,* Søndre Land, f 1951 gm *Anne Marie Brager,* Ellendshaugen 37/2, f 1955. Barn:

1. Stine f 1980.
2. Vidar f 1983.

Solbu bnr. 34 og 38

Tomta Solbu vart utskild frå Ellendshauge i 1945 og -47. Huset her, på folkemunne kalla «Nebraska», vart bygt

kring eller kort etter 1910. Namnet «Nebraska» kom av at reisverket «braska ned» ei natt under byggjearbeidet. I januar 1987 vart huset rive for å gje plass til den nye riksvegen utanom Bagn sentrum.

Gjennom åra var «Nebraska» nytta til ulike føremål. *Kristine Steinsli* dreiv kafé i fyrste høgda og leigde ut andre høgda til bustad. Dette var medan tresliperiet gjekk, og kaféen var samlingsstad for sliperiarbeidarar og ungdomen på Bagn. Ei tid var huset bustadhus, og frå 1960-åra dreiv *Arne Skaro* sykkelverkstad. Han kjøpte Solbu av tanta *Ragna Brager.*

Arnestad bnr. 39 og 51

Bustadhus 1951 på tomt utskild frå Ellendshauge i 1947 og -59, bygt av *Arne O. Skaro* f 1923 gm *Gunvor Damslora,* Høland, f 1925. Arne Skaro driv sykkelverkstad. Barn:

1. Olav f 1951.
2. Borgny f 1952 gm Roy Kvaløseter, Sør-Flatanger.
3. Jon f 1955.
4. Anne f 1960.

Fagerstrand bnr. 41

Bustadhus frå 1949 på tomt utskild i 1947 frå Ellendshauge, bygt av *Sigmund Framnes* f 1901 d 1976 gm *Borghild Bjørneskaret* f 1909. Barn:

1. Sigbjørn f 1938 gm Ingunn Nylende, sjå Reinsvoll 13/47.
2. Odd Ivar f 1940.
3. Bjarne f 1945 gm Anne Marit Lien.
4. Gunvor Marie f 1949 gm Øystein Nystad, busette på Helgeland.
5. Astrid Ingeborg f 1951.

Steinsvoll bnr. 53 og 54

Bustadhus frå 1962 på tomt utskild 1961 frå Arnestad og Fagerstrand, bygt av *Thomas Langødegård* f 1931, skogbruksleiar i Bagn og Reinli skogeigarlag, gm *Signy Huset,* Hedalen, f 1932, sjukepleiar. Barn:

1. Solveig f 1959.
2. Torbjørn f 1961.
3. Astrid f 1964.

Bagnsbergatn bnr. 1

Bagnsbergatn, i daglegtale Bergatn, før kalla *Skomakarbrøtin,* ligg høgt og fritt med utsyn over Bagnsbygden.

I 1730 selde Ellend Arneson Ellendshaugen eit husvære, Skomakarbrøtin, med åker og eng for 53 rd. til Knut Nilsson Bøen. For hogst og hamne betalde Knut i tillegg 7 rd. til Gullik Timannson på Gastgjevarhauge og 3 rd. til Ellend Arneson, i alt 63 rd.

Knut Nilsson søre Lie, f ca. 1673 g 1716 m *Kari Gjermundsdotter,* rimelegvis Bøen bruk I, f ca. 1686 d 1762 som enkje på Bergo. Dei hadde før vore på ein stad under Bøen. Barn som me kjenner:

1. *Nils*, neste brukar.
2. Ragnhild f 1719 d 1738.
3. *Knut* f 1725, brukar seinare.

Nils Knutson g 1741 m *Kari Tøsteinsdotter,* nedre Bagn bruk II, f 1718. Barn:

1. *Tøstein* f 1742, sjå nedafor.
2. Knut f 1744.
3. Ragnhild f 1746.
4. Beret f 1748.
5. Ola f 1751.

I 1751 selde Nils Knutson Skomakarbrøtin med setra Brattrudsetre for 170 rd. til brørne *Ola* og *Eivind Knutsøner Kallskøt,* Framgarden bruk VI. For Brattrudsetre vart det vist til eit skøyte frå 1748. Eivind kom seinare til Humleberg 35/3, medan Ola vart brukar på Framgarden bruk VI.

I 1754 selde Eivind Knutson for 205 rd. til bror til den førre brukaren, *Knut Knutson Bergatn* f 1725 g 1. 1755 m *Kari Andersdotter Roo,* nedre Roo 15/2, f 1724 d 1773. Ved skiftet etter Kari i 1773 har Bergatn setra Hellebekksetre. Knut Knutson g 2. 1778 m *Ragnhild Bentsdotter Tronrudeige,* Tøsteinsbrøtin under Høve, f 1754.

I 1788 selde Knut Knutson for 366 rd. til *Aslak Olson Rustøe* gm *Guri Eivindsdotter,* sjå Hølvegen 36/21, med den delen av Hellebekksetre som Knut hadde kjøpt av Ola Olson Sørflate. Brattrudsetre, som før hadde høyrt under Bergo, hadde Knut for lengst selt.

Tøstein Nilsson, eldste son til Nils Knutson og odelsmann av di farbroren Knut Knutson ikkje hadde livsarvingar, gav i 1794 fullmakt til Halldor Arneson Lundatn (Ellendshaugen) til å reise odelssak på vegner av seg om Bergatn. Tøstein Nilsson budde på plassen Laugerud under Sjåstad i Lier. Aslak gav opp Bergatn utan sak, og selde i 1795 til Halldor Arneson for 599 rd., irekna kostnader for forbetringar. Tøstein Nilsson samtykte i skøytet, og skreiv frå seg odelsrett for 70 rd.

Halldor Arneson Ellendshaugen f 1766 d 1815 g 1794 m *Live Jeremiasdotter,* mogleg frå Svenes, f ca. 1767 d 1828. Ved skiftet etter Halldor var bruttoeiga 148 rd. og nettoeiga den same. Barn:

1. *Arne* f 1795, neste brukar.
2. Jeremias f 1798 gm Anne Hallvorsdotter Bagn, sjå heimdre Erstadbrøtin 33/19.
3. Marit f 1802 d 1802.
4. Isak f 1803 gm Beret Sveinsdotter Bagn, sjå søre Gubberud 37/6.
5. Ola f 1806.
6. Marit f 1807 d 1807.
7. Ola f 1808.
8. Marit f 1813 g 1. m Aslak Olson Austegardshaugen, sjå Haug 12/20, g 2. m Arne Knutson Klosbøleige.

Arne Halldorson f 1795 d 1869 kjøpte Bergatn av faren i 1813, g 1825 m *Kari Olsdotter Hestkinn* f ca. 1795 d 1879. I 1813 vart Bergatn skyldsett for 2 skinn, i 1814 auka til 2 1/2 skinn. Barn:

1. Anne f 1827 d 1848.
2. Live f 1829 d 1898.
3. *Halldor* f 1833, neste brukar.
4. Ola f 1837 d 1837.
5. Ola f. 1838 gm Guri Oldsdotter Nylende.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 10 mål åker og dyrka eng, 30 mål slåtteland, frå utmark og Hellebekksetren kom 20 skippund høy, og dei lauva 1000 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest,

6 naut, 10 sauer, 4 geiter, 1 gris, og sådde 1 setting rug, 1 tønne bygg, 1 1/2 tønne blandkorn og 4 tønner poteter.

Branntakst 1880: 1. Eit våningshus med tre rom nede, to rom oppe og steintak. 2. Ei bu med to rom og bordtak. 3. Eit stabbur med to rom og bordtak. 4. Ein låve med tre rom og bordtak. 5. Eit fjøs med bordtak. 6. Ein stall med bordtak. 7. Eit eldhus med jordtak. 8. Eit sumarfjøs med bordtak. 9. Eit vedskjul med bordtak.

Arne Halldorson selde i 1867 til sonen *Halldor Arneson* f 1833 d 1910 g 1866 m *Astrid Olsdotter Kristianslund* f ca. 1840 d 1916.

I 1891 selde Halldor til bror til Astrid, *Andreas Olson Kristianslund* f ca. 1855 d 1940 under kampane på Bergo g 1882 m *Sigrid Julsdotter Bjørgo* f ca. 1854. I 1891 hadde dei pleiedottera Pauline Knutsdotter frå Nordre Land f 1874.

Andreas Olson selde i 1921 til *Olaf Arntson Odden* f 1864 på Norderhov, Ringerike d 1946 g 1885 m *Bertine Olsdotter søre Hellandshølen* f 1865 d 1947. Dei hadde før vore forpaktarar på prestegarden i sju år. Barn:

1. Berit f 1885 d 1885.
2. Berit f 1886 gm Thorvald Storbråten, Begnadalen, forpaktarar på prestegarden.
3. Ole f 1889 gm Inga Johansdotter Skarshaugen, sjå Bergabrøtin 39/34.
4. Elise f 1892 gm Knut Østenson Kviteberg, Etnedal, sjå Bergheim i Bagn.
5. *Kristoffer* f 1894, neste eigar.
6. Ingrid f 1897 gm Thomas Olson Gudmundslien, sjå Lijordhaugen 23/5.
7. Anton f 1899 gm Jenny Karoline Edvardsdotter Hovda, Etnedal, sjå Hundehengja 36/2.
8. *Jesper* f 1902, brukar etter Kristoffer.
9. Borghild f 1904 gm Johannes Egge, Slidre.
10. Olav Bernhard f 1909.

I 1935 fortel Ole Thorsrud: Straks etter giftarmålet flytta Olaf og Bertine til plassen Odden under Rustebakke, der dei budde i 28 år. Dei kunne såvidt fø to kyr, men onna utanom så dei hadde fire kyr, nokre sauer og geiter. Dei rispa kring 200 teiner med lauv, raka «røslauv», plukka mose og leigde utslåttar. Olaf kunne dra heim opp til 50 lass med mose, lauv og høy om vinteren. Frå Odden flytta dei til prestegarden, og var forpaktarar i sju år. Bertine laga tøy til klede for heile huslyden. Ho hadde sjølv ull, og spann, veva tøy og batt hoser og votter. Bertine kunne òg spinne og binde for andre for å tene nokre skilling. (Valdres 16.5.1935.)

Olaf Odden selde i 1925 til sonen *Kristoffer Odden,* og i 1942 fekk Kristoffer auksjonsskøyte saman med broren *Jesper Odden* gm *Kjersti Johansdotter Gubberud.* Dei flytta i 1947 til Dalborg 39/36, sjå der.

Olav Odden, bror til Jesper, budde på Bergo til 1962, seinare har bruket stått tomt. Eigar frå om lag 1950 er *Ottar Odden,* son til Jesper og Kjersti.

Samla areal til Bagnsbergatn er 250 da., av det er 20 da. innmark. Jesper og Kjersti Odden hadde krøter til dei flytta i 1947. Seinare har jorda vore slått og dei siste åra vore hamne for fôringsdyr.

Husa er ein gamal bygning, ei stugu oppsett fyrst på 1900-talet av Andreas Olson, fjøs, låve, stabbur og eldhus.

Setra Hellebekksetre vart seld til Andreas Smedsrud før Olaf Odden overtok.

Under eit lite fossefall i *Bergabekke* var det kvern. Tomta til kvernhuset syner framleis. Om våren vart det grave grøft ut frå *Steintjedn* for å skaffe meir vatn til kverna.

Bagnsbergatn er kjend for dei dramatiske kamphandlingane i 1940. Eit tysk kompani vart nedkjempa her og på Gubberud, ein del tyskarar drepne og mange fanga. (Foto m.m. frå Bergatn i Årbok for Valdres Historielag 1985.) Ved eit stort minnesamvære for krigsvetaranar i 1986, der også Kong Olav var til stades, vart det avduka ein minnestein. Husa på Bagnsbergo ser framleis ut slik dei gjorde i krigsdagane, og vil bli tekne vare på.

Gubberud

Gubberud er fyrste gong nemnd i ei sak i 1713, då Mikjel Gubberud, 36 år, prova at far hans, Embrek, og deretter han sjølv brukte garden Berg i Etnedal til for tre år sidan. *Mikjel Embrekson Gubberud* er kan hende den Mikjel Embrekson Bagn som i 1723 gifta seg med Gjartrud Olsdotter. Mikjel Gubberud fekk i 1722 dottera Barbro.

Sidan høyrer me ikkje meir om Gubberud før *Anders Andersson* og kona *Guri Olsdotter* fekk husmannskontrakt for levetida si av Ola Arneson Ellendshaugen i 1791. 1796 var Anders og Guri komne til Rullebakke under Velingsrud, sjå der.

I 1791 var det tydelegvis lenge sidan det hadde budd folk på Gubberud. I kontrakten heiter det at plassen var gamal åkerbakke, var opprydda, men utan hus og gjerde. Leiga på 3 rd. skulle svarast dels i arbeid, dels i pengar.

Då Ola Arneson Ellendshaugen i 1822 skøytte garden til eldste sonen, heldt han att Gubberud med setra Ellendslie, som han seinare same år selde til den yngre sonen Mikjel. Ved skyldsetjinga i april 1822 vart Gubberud kalla seter, og fekk saman med Ellendslie ei skyld av 1/4 skinn. Ved ny forretning i 1823 viste lagretten til at Gubberud ikkje var seter, men ein plass, og skylda saman med Ellendslie vart sett til 1 skinn.

Mikjel Olson Ellendshaugen gm *Dordi Arnesdotter Braka* er nemnde på Gubberud, Bagnseie og Spangrud, sjå Spangrud under Ellendshauge. I 1858 kjøpte Mikjel Lijordhaugen.

I 1828 fekk Ola Steingrimson Gastgjevarhaugen den halve eller søre delen av Gubberud i pant, og gav i 1837 Isak Halldorson husmannskontrakt her.

På plassen var 3 1/2 mål åker. Leiga på 4 spd. var å slå 6 dagar på Hallkinnsetren og seinare om sumaren 6 dagar, skjera 3 mål åker, arbeide 9 dagar om våren og fleire dagar andre årstider.

Ved skylddeling i 1845 vart Gubberud delt i nørdre og søre Gubberud.

Søre Gubberud bnr. 6

Isak Halldorson Bagnsbergatn f 1803 d 1877 g 1826 m *Beret Sveinsdotter Bagn*, Sveinedokke under Langedrag, f 1798 d 1862, er nemnde på Gubberud frå 1832, var på Bergo i 1826 og på Bagn i 1829. Barn:

1. Live f 1826 d 1848.
2. Gunhild f 1829.
3. Halldor f 1832 gm Agnete Persdotter, sjå Kyrkjebjørgmoen 35/7.

4. *Arne* f 1835, neste brukar.
5. Marit f 1838 d 1845.
6. Beret f 1838, tvilling med Marit, d 1838.
7. Svein f 1841, til Amerika 1873.
8. Marit f 1846 d 1847.

Isak Gubberud var ein høgtideleg og alvarsam kar. På Dale var det ufred mellom mann og kone. Isak kom for å mekle, og møtte dei to, som fløy rundt husa, med orda: «Fred være med Eder».

Sprek var Isak òg. Bjørnen hadde ein gong teke knekken på kua hans. Men Isak slo med ein bjørkekavle tvert over ryggen på bjørnen: «E var vel ikkje laga te å bli mat åt ville dyr, e då,» kommenterte han. På Gubberud var mange murar med svære stein, som det vart sagt Isak hadde løfta.

Isak Gubberud hadde ikkje seter, men slo fôr i sameiga på Veståse. Fôret drog han heim på skikjelke, eit svært arbeid. Men slåtten var ikkje lovleg, og Isak måtte betala mulkt til sameiga.

I 1865 hadde dei 2 naut, 3 sauer, og sådde 1 setting rug, 5 settingar bygg, 15 settingar blandkorn og 2 tønner poteter.

Arne Isakson f 1835 d 1924 var i 1865 innerst hjå faren, men i 1875 husmann. G 1861 m *Anne Arnesdotter Stavadalen*, Brenninge 14/6, f 1831 d 1909. Barn:

1. Berit f 1861 d 1941, ugift, budde heile tida på Gubberud og arbeidde borte. Arne bygde ei lita stugu som Berit budde i.
2. Isak f 1863 gm Else Larsdotter Tørrisplassen.
3. Arne f 1866 d 1870.
4. Ole f 1869, kom som gardsarbeidar til Holte, Nes i Ådalen, g Nybo, Ådalen, til Amerika.
5. *Anne* f 1872, brukar etter broren.
6. *Arne* f 1874, brukar i 1900, gm Margrethe Andersdotter Bø, Vang i Valdres, kjøpte Bagnsbrøtin 39/17 i 1904, sjå der.

Arne Gubberud var ein sprek kar, og arbeidde mykje ikring med tømring og som altmoglegmann.

Då Arne vart kjend med at husmannssvaringa til Haugen hadde årsak i at ein på Gubberud hadde lånt pengar, fekk han betald summen attende for å slippe arbeidsplikta. Etter husmannskontrakten frå 1837 måtte Arne vera med på onnearbeidet på Hallkinnsetren. Han gjekk på eiga tid heimanfrå, kl. 4 om morgonen, for å koma fram til dei byrja å slå.

I *Harabrennbekke* sette han opp eit kvernhus av vindfall og virke frå skogen til Haugen. Eit anna kvernhus til Tamburgarden, Sørbøen og nørdre Jordet, som stod i Kvednelven, nedst i Framnesjorde, lafta han også opp. Kvernhuset vart skore opp til materialar til kraftstasjonen i Kvednelven i 1910. På sine gamle dagar laga Arne sopelimar, som han selde i bygda.

Arne Gubberud var stor og røsleg, streng og fast. Når han gjekk til kyrkje i sine eldre år, hadde han på seg ein bonjour — ein knesid frakk.

I 1880 selde *Dordi Arnesdotter,* enkje etter den Mikjel Olson Ellendshaugen som kjøpte Gubberud i 1822, til sønene *Ole* og *Mikkel Mikkelsøner.* Mikkel overdrog delen sin til Ole i 1889, som same år selde til *Arne Isakson Gubberud.*

I 1917 selde Arne Gubberud til versonen *Ole S. Haugsengen,* Etnedal, gm *Anne Arnesdotter* f 1872. Ole S. Haugsengen trødde åkeren med truger i staden for å rulle etter at åkeren var sådd. Han var også tømmerhoggar.

I 1950 selde Ole S. Haugsengen til *Oddmund Fossen* gm *Kari Haugen,* sjå

Kyrkjebjørgmyre 35/3, som budde her til dei i 1966 flytta til Myre.

Søre Gubberud er i alt på 145 da., av dei var ca. 20 da. svært bratt dyrka jord. 12 da. vart tilplanta. Arne Gubberud braut opp mykje av jorda, og flytta husa ned til eit nytt tun. Staden der det gamle tunet låg, heiter framleis *Tunet,* og jordet *Tunejordet.* Ei stugu frå det gamle tunet er seld til Flatåker som bryggerhus. Oddmund Fossen har selt tunet til feriestad.

Nørdre Gubberud bnr. 7

Nørdre Gubberud, den andre halvdelen av den gamle plassen Gubberud, vart seld i 1844 til *Anders Østenson Haugsrudeige* (Ruste), Strømmenseige, f 1803 g 1827 m *Kjersti Gudbrandsdotter Haugsrudeige,* Strømmenseige, f 1803. Dei reiste med barna Olea og Martin til Amerika i 1854. Barn:

1. Gudbrand f 1827.
2. Østen f 1831, til Amerika 1853, kalla Eidsmoen.
3. Olea f 1835.
4. Martin f 1841.

I 1852 vart bruket selt på auksjon til *Arne Olson Ellendshaugen,* og sonen *Ola Arneson* selde i 1861 til Ola Olson Torsrud.

Før Ola Torsrud overtok, budde *Embrek Olson Sørbøen* gm *Kari Olsdotter Sparkevik* her. Dei var i Dølvesskare i 1853, på Gubberud i 1856, og kan ha vore her til dei reiste til Amerika i 1861.

Ola Olson Torsrud, nedre Torsrud 30/2, f 1825 d 1896 g 1855 m *Anne Haraldsdotter midtre Brattrud* f 1829 d 1908. Ola Torsrud var organist i Bagn kyrkje frå om lag 1850 til 1880. Før hadde far hans vore organist. Barn:

1. Marit f 1856 d 1861.
2. Ole f 1859, lærar og kyrkjesongar, organist i Bagn kyrkje etter faren til han vart kyrkjesongar i 1898, gm Guri Mikkelsdotter Sørbøen, sjå Dalborg 39/39.
3. *Harald* f 1862, neste brukar.
4. Marit f 1865 d 1885.
5. Gjertrud f 1868 d 1926. Gjertrud fekk i 1904 dottera Kjersti med jarnbanearbeidar Johan Nikolaisen. Kjersti gifta seg med Jesper Odden, sjå Dalborg 39/39.
6. Sigrid f 1872 gm Ole Halvorson Bagnsbakkatn, sjå Dølvesmarke 48/4.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 7 mål åker og dyrka eng, 18 mål slåtteland, tilstrekkeleg hamne, dei lauva 100 kjerv og bruket låg svært avsides. I 1865 hadde dei 3 naut, 6 sauer, og sådde 1/2 tønne bygg og 1/2 tønne blandkorn.

Ole O. Thorsrud selde i 1896 til sonen *Harald Olson Thorsrud* f 1862 d 1941.

Harald Thorsrud selde i 1940 til *Kjersti Odden,* som i 1947 selde til syskenbarnet *Halgrim Marken,* eigar no. Halgrim budde på Gubberud til han i 1954 flytta til Eggedal.

Det var gardsdrift til 1954, sidan har nørdre Gubberud vore feriestad. Husa, som alle er gamle, er bygning i halvanna høgd, låve, fjøs, stall og stabbur. Bruket ligg i sørhelling med utsyn over Bagn. I ein åker er det funne slagg frå ei blåstergrop.

Maren på Fremredale f 1886 og far hennar, Ola Olson frå Spangrud f 1840. Maren dreiv Fremredalen åleine i mange år. Ho køyrde tømmer og gjorde all slags kararbeid.

Fremredalen bnr. 5

Fremredalen, i daglegtale Dalen, ligg vest for Gubberud.

Dei fyrste me kjenner her, er *Ola Olson Bagn* gm *Ingebjørg Olsdotter Austegarden,* sjå Spangrud under Ellendshauge. Dei er nemnde på Bagnseige i 1837, rimelegvis Dalen, der dei iallfall var til 1848.

I 1861 vart Dalen utskild frå Ellendshauge, og seld same år til *Ola Ivarson Jukamskleive,* kalla «Kleivin», f 1817 d 1893 g 1857 m *Barbro Sjugurdsdotter Juve,* mogleg frå Klauvrud og f 1819, d 1911. Barn:

1. Guri f 1857 gm Ole Mikkelson Sørflaten, sjå Bjørkelund 37/11.
2. Iver f 1861 d 1882.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 3 mål åker og dyrka eng, 12 mål slåtteland, dei lauva 100 kjerv og garden låg avsides. I 1865 hadde dei 2 naut, 5 sauer, 2 geiter, og sådde 1/2 setting rug, 8 settingar bygg og 1 1/2 tønne poteter.

Barbro Sjugurdsdotter selde i 1893 til *Ole Olson Dahl,* Spangrud under Ellendshaugen, f 1840 d 1934 gm *Barbro Knutsdotter Sislebekk,* Aurdal, f ca. 1842 d 1924. Barn:

1. Kristoffer f 1866 gm Inger Bertine Kristoffersdotter Strandbråten, sjå Bjørklund 71/16.
2. Ole f 1868 gm Kari Håkonsdotter Viste, Røn, sjå Muggedalen 68/7.

3. Ingebjørg f 1870 gm Ole Olson Kolverud, Etnedal.
4. Ole f 1876 gm Gunhild Olsdotter Sørbøen.
5. Kristian f 1879, til Amerika.
6. Hans f 1883 gm Olava Kristoffersdotter Strandbråten, sjå Strandeng 71/47.
7. *Maren* f 1886, neste brukar.

«Ola Dalen» var ein dyktig tømmermann, og tømra den fyrste bygningen på Breidablikk Sanatorium. Dei fyrste åra etter at dei var gifte, var Ole og Barbro husmannsfolk på Spangrud. «Spangrud var berre ein liten filleplass,» fortel Ole i 1933. «Ein gong spurde Tamburmannen hono Krestafør, son min, om e hadde take tel med slåtten. Jau, sa'n Krestafør. Han far begynte i dag o trudde han skulde bli ferdig te dugurds.» — Dette var ei vanleg herme. Då Ole hadde kjøpt Dalen, selde han husa på Spangrud, som han hadde bygt, til Erik på Hauge. Så fekk han litt pengar til å leggje på det nye bruket.

Lengst mogleg skulle ein klare seg sjølv, eit ideal som har stått sterkt. Ole fortel: «Ein gong miste mø ei kyr, og då sendte Tamburmannen ein pung rundt i bygden. Men då mannen på Ellendshauge fortalde me det, so sendte e den beskjen at «e greie me sjøl.»

Maren Olsdotter Dalen f 1886 fekk skøyte av faren i 1916. Etter at foreldra døydde, dreiv Maren garden åleine, med kyr og hest, til om lag 1970. *Harald Odden* kjøpte bruket etter at Maren døydde.

Dei gamle, tømra husa er ein liten bygning, fjøs, låve og stabbur.

Dønhaug bnr. 14

Om lag 1838 fekk skulehaldar Ola Olson, kjend som *Ola Dønhaug,* rydde seg ein liten heim der gamlevegen til Bruflat tok opp frå hovudvegen. I 1844 fekk han rydde og gjerde inn ei lita lykkje nørdst og nedst i jordet til Gastgjevarhaugen mot å svara årleg 2 ort 12 skilling i arbeid eller pengar.

Ola Olson Bagn, Spangrud under Ellendshauge, f 1800 d 1880 g 1830 m *Taran Gudbrandsdotter Tollevsrudeige* f 1807. Barn:

1. Ola f 1831.
2. Siri f 1833 d 1891. Siri fekk i 1855 dottera Tonetta med Amund Olson Haugsrudeige. Tonetta gifta seg med landhandlar Gudbrand Rudi, Øystre Slidre, busette på Fagernes. Ola Dønhaug vart tidleg enkjemann, og dottera Siri kom til å styre og stelle i huset.
3. Ingebjørg f 1836 gm Per Olson Rushaug.

Ola Dønhaug måtte tidleg ut for å tene, og kom som smågut til prestegarden. Prost Hans Jacob Stabel var ein driftig jordbrukar, som brukte mange pengar på å forbetre jordvegen. Ola Dønhaug vart sett til å trille stein. Men det harde arbeidet øydela hoftene og gjorde han vanfør. Ola hadde eit lett hovud, og etter ei kort skolering gjorde prost Stabel han då til skulehaldar i heimbygda.

I meir enn ein mannsalder var Ola lærar. Det var heller sjeldan at barn lærte å skrive på denne tida. Ola Dønhaug skreiv med stor dugleik, og hjalp ofte til med å skrive brev og dokument. Etter avskjeden handla han med bakkels og sukkertøy, selde bøker og folk tinga aviser hjå han. Presten H.T. Heyerdahl hjalp Ola til en liten pensjon.

På Dønhaug var eit lite kultursentrum. Ola spelte fele, var ein humørspreiar og sette pris på ein prat, og folk samla seg ofte hjå han. Eit særmerkt minne etter Ola på Dønhaug, som vitnar om interesse for tilhøve utover bygda, er den kjende

«Kongssteinen» med innskrifter om unionskongane og valspråka deira, sjå s 207.

I 1865 sådde Ola Dønhaug 6 settingar blandkorn.

I 1898 vart Dønhaug utskild frå Ellendshauge, og seld til landhandlar *Halvor Halvorson Stavedal,* Stavadalen 5/2, f 1873 d 1964 g 1898 m *Sigrid (Siri) Mikkelsdotter Brager,* nørdre Torsrud 30/7, f 1867 d 1957. Sigrid hadde fyrste gong vore gift med Ola Brager, Leirskogen. Halvor Stavedal dreiv landhandel på Dønhaug, og bygde det kvite huset som no står. Barn:

1. Halvard f 1890 d 1983 gm Anna Haugen, Øystre Slidre, dreiv handel på Fluberg.
2. Borghild f 1901 gm Elling Martinson Juvkam, sjå øvre Jukam 36/1.
3. Gudrun f 1903 gm Sverre Bang, Flatåker 39/7.
4. Oskar f 1907 gm Borghild Lysen, Landåsbygda, sjå Kringsjå 39/41.
5. Olga f 1910 gm Rolf Kopperud, Nord-Aurdal.

Halvor Stavedal selde til *Olav Brænd,* Sørskogen, f 1914 d 1965 gm *Jenny Sevilhaug,* Østerdalen, f 1909. Jenny kom til Bagn som styrar på Sør-Aurdal meieri. Olav Brænd dreiv handel på Dønhaug, og Jenny heldt fram med butikken til om lag 1970. Barn:

Leif Harald f 1940, flytta med familien sin og mor si til Rånåsfoss.

Odd Johan Henriksen, Tøgbanin, f 1915 kjøpte Dønhaug i 1973 av Jenny Brænd, gm *Borghild Hansen,* Bagn, f 1922. Barn:

1. Kjell Ove f 1943 gm Liv Berge, Stavanger.
2. Aud f 1946 gm Reidar Rud, Begnadalen.
3. Reidar f 1949.
4. Åse f 1952 gm Svein Smedsrud, busette i Moss.
5. Liv Jorunn f 1957 gm Svein Gunnar Perlesteinbakken, Hedalen.

Spangrud

Spangrud nedunder Spangrudberge var i seinare tid utslått og ein liten plass under Ellendshauge. I mellomalderen må det ha lege ein liten gard her, for i 1595 er Spangrud nemnd som øydegard.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Ola Andersson Velingsrud,* kalla «Spangru'n», f 1766 g 1795 m *Ingebjørg Olsdotter øvre Sørflate* f 1770 d 1806. Dei er nemnde på Bagnseige — Spangrud — frå 1794. Barn:

1. Gjartrud f 1794.
2. Anders f 1797, til Narum i Land 1826. Anders fekk i 1823 dottera Ingebjørg d 1827 med Anne Olsdotter Jukamseige.
3. Ola f 1800, skulehaldar Ola Dønhaug, gm Taran Gudbrandsotter Tollevsrudeige, sjå Dønhaug 37/14.
4. Ola f 1804 — «Små-Ola» — gm Anne Olsdotter Høvseige, sjå Brøtin under Gastgjevarhauge.

I sine beste år var «Spangru'n» ein kjempekar, men døydde som legdslem i prestegarden. Før han gifta seg, var Ola mange år tenestegut hjå Timann Vøll, heiter det, rimelegvis Timann Ivarson på midtre Vøll. Timann Vøll, som også var stor og sterkvaksen, ville ein dag at dei skulle dragast for å finne ut kven som var den sterkaste.

Under basketaket fall Timann og slo seg, og døydde etter nokre dagar av skaden.

Mikjel Olson Ellendshaugen f 1794 d 1877 g 1821 m *Dordi Arnesdotter Braka,* Skjerstein bruk I og II, f 1796 d 1880, er nemnde på Spangrud i 1835. I 1858 kjøpte Mikjel Lijordhaugen 23/5. Barn:

1. Marit f 1820.
2. Ola f 1823.
3. *Ola* f 1826 gm *Anne Eriksdotter Komperud,* husmannsfolk seinare.
4. Ingebjørg f 1829.
5. Mikjel f 1832.
6. Arne f 1835 gm Ragnhild Kristafersdotter Kamben, sjå Bakkejordet under øvre Brattrud 23/3.
7. Mikjel f 1840 gm Marit Sjugurdsdotter Framgardseige, sjå Lijordhaugen 23/5.

Ola Olson Bagn, Ellendshaugen 37/2, f 1802 d 1873 g 1829 m *Ingebjørg Olsdotter Austegarden,* Austegarden bruk II, f 1804 d 1888, var i 1865 innerstar på Spangrud. Dei var innerstar på Bøen 1829, er nemnde på Ellendshauge 1831, på Spangrud 1833 og seinare på Ellendshaugeige og på Fremredale. Barn:

1. Ingebjørg f 1829.
2. Ola f 1831 d 1831.
3. Ola f 1833.
4. Marit f 1837 gm Erik Olson Sørbøen, sjå Brøtin under Gastgjevarhauge.
5. *Ola* f 1840, neste husmann.
6. Olea f 1844 gm Erik Mikjelson Solbjøreige.
7. Gunhild Maria f 1848 g 1. m Kristafer Mattisson Vøll, sjå Midtvøll 32/8, g 2. m Ola Olson Sløtet, sjå Nygard 32/9.

Sonen *Ola Olson* f 1840 gm *Barbro Knutsdotter Sislebekk* var husmannsfolk til Ola i 1893 kjøpte Fremredalen 37/5, sjå der.

I 1900 var *Ola Mikjelson Spangrud* f 1826 d 1914 g 1860 m *Anne Eriksdotter Komperud,* øvre Klypa under nørdre Øyhus, f 1834 d 1913, forpaktarar. Båe døydde på Spangrud. Anne var kalla «Spangrud-Anne». Barn:

1. Mikkel f 1859, busett i Oslo.
2. *Erik* f 1876 d 1963 var den siste som budde i den vesle stugu på Spangrud. Erik dreiv som bokbindar med eigen verkstad på Spangrud, og var ivrig skyttar.

Husa på Spangrud var ei lita stugu og ein liten låve. Dei siste åra, før Spangrud-feltet kom, var staden brukt til hamne.

Fagerlund bnr. 49

Bustadhus på tomt utskild frå Spangrud under Ellendshauge, oppført i 1950-åra av *Bjarne Odden,* Dalborg 39/39, f 1929 gm *Hjørdis Hesjadalen.* Dei flytta sist i 1950-åra til Hønefoss.

Huset overtok bror til Bjarne, *Harald Odden* f 1927 gm *Jorunn Sølvberg,* Nordfjord, f 1930. Dei driv Ellingsæter Sport- og Turistsenter, opna i 1981. Barn:

1. Jan Arve f 1952.
2. Anders Terje f 1953.
3. Ole Hermod f 1956.
4. Kristin f 1957.

Bjørkeli bnr. 64

Bustadhus frå 1970 på tomt utskild frå Spangrud under Ellendshauge, bygt av *Arvid G. Dokken* f 1937 gm *Randi Børresen,* Biri, f 1942. Barn:

1. Georg f 1964.
2. Ragnfrid f 1968.
3. Birgitte f 1973.

Spangrud-feltet

Tomtene på Spangrud-feltet vart utlagde etter at bustadområdet vart utskilt i 1986. Til Spangerud-feltet høyrer også nokre tomter utskilde frå Gastgjevarhauge. Våren 1988 var fylgjande bustader bygde eller planlagde:

Bnr. 83

Magnus og *Jenny Nyseth,* sjå Ulevoll i Bagn.

Bnr. 84

Knut Torgersen, Gjøvik, f 1940, elektrikar og vaktmeister, gm *Anne Johanne Tronrud,* f 1941, kontorfullmektig.

Lundhaug bnr. 85

Kåre Lundelien f 1960, sjåfør, gm *Britt Viken Sørflaten* f 1951, ekspeditrise.

Lauvtun bnr. 88

Jan Hansson f 1959, elektrikar, gm *Siri Nilsen,* Porsgrunn, f 1960. Barn:

1. Sivert f 1983.
2. Sondre f 1987.

Bnr. 89

Leif Mo, Østre Gausdal, f 1943, ingeniør, gm *Berit Irene Kantrud,* Lillehammer, f 1947, ligningssekretær.

Bnr. 91

Bjørn, Vestre Slidre, f 1958, oppmålingsingeniør, og *Bodil Gustavsen,* Etnedal, f 1959, hjelpepleiar. Barn:

Bente f 1983.

Bnr. 93

Kåre Johnsen, Brenno 14/4, f 1955, maskinførar, gm *Grethe Aaserud,* Ås, f 1943, kjøkenassistent.

Bnr. 94

Ruben Lindberg, Fredrikstad, f 1956, pølsemakar, gm *Rakel Olsen,* Bagn, f 1957. Barn:

1. Lennart f 1984.
2. Kenneth f 1986.
3. Vegard f 1987.

Bnr. 97

Jan Arve Odden, f 1952, forretningsdrivande, gm *Sigrid Marie Hollerud,* Jevnaker, f 1955, adjunkt. Barn:

1. Eirik f 1985.
2. Trine f 1987.

Hasselbakken bnr. 95

Sigurd Pettersen, Horten, f 1940, lagerekspeditør, gm *Dagny Kvaal,* Reinli, f 1940, kontorfullmektig.

Bnr. 99

Henning Dunker, Stavanger, f 1943, lektor, gm *Helle Jareg,* Oslo, f 1944, bioingeniør. Barn:

1. Thomas f 1972.
2. Anders f 1975.

Fredly bnr. 98

Erna Olsen, Bagn, f 1937, rekneskapssekretær.

Brue

Brue var ein liten heim som klorte seg fast i berget sør for Storebruen, på austsida av elva. I daglegtale var staden gjerne omtala som *under Bruen* eller *ved Brue.* Tomta vart utskild frå Ellendshauge med namnet Berg i 1907.

I 1835 fekk *Arne Knutson* og kona *Gro Hallvorsdotter,* sjå Kyrkjebjørglie, husmannskontrakt på plassen med eit slette, *Bekkeslettet,* av Arne Olson Ellendshaugen. Leiga skulle svarast i arbeid. Arne og Gro er nemnde på Bagn eller Bagnseige frå 1818, som kan hende var Brue, men Gro døydde i Kyrkjebjørglien i 1852.

Arne Olson søre Vøll gm *Barbro Tåmåsdotter Langedrag* budde dei siste åra i Bruen etter at Arne gjekk konkurs. Arne døydde i 1855 og Barbro i 1857, sjå søre Vøll.

Ringar og gravar på Bagn — «Ola Ås» eller «Åsen» — *Ola Amundson Vøllseige,* Bøle av Tronrud, f 1796 d 1887 g 2. 1826 m *Marit Trondsdotter Bangseige,* Brubakklykkja 39/22, f 1800 d 1865, er dei neste kjende husmannsfolka i Bruen. Dei er nemnde på Vøllseige 1827—31, på Torsrudeige og Torsrudhauge 1834 og -36 og i Hesthagahøle 1839 og -44. «Ola Åsen» heldt kyrkja og kommunehuset i orden. Det vart takt i slaga når han ringde med kyrkjeklokkene, ingen gjorde det betre. På kyrkjegarden grov han graver for omtrent alle som var døde gjennom 50 år. Barn:

1. *Amund* f 1827, neste husmann.
2. Trond f 1828 gm Beret Knutsdotter Storøydgarden, sjå Gjerdinge 24/3.
3. Ola f 1831 gm Ingebjørg Larsdotter Klauvstad, sjå Heggerud under Mikjelsøydgarde.
4. Kristafer f 1834 d 1834.
5. Kristafer f 1836 gm Gjartrud Eriksdotter, sjå Rabben under Bagnsøydgarde.
6. Anne f 1839 fekk i 1870 sonen Ole Andreas med Johan Erikson.
7. Ingrid f 1844 gm Trond Olson Gunhildbrøtin, sjå Bråtån 67/9.

Husmannsfolk i 1865 var sonen *Amund Olson* f 1827 d 1883 g 2. m *Kari Hallsteinsdotter Kyrkjebjørghaugen* f 1833 d 1915. I fyrste ekteskap hadde Amund budd på Dalseige. Barn frå dette ekteskapet, som var i Bruen i 1865, var Ole f ca. 1852 og Erik f ca. 1856. Erik gifta seg med Sigrid Olsdotter Berget, sjå Berget under Bagnsjorde. I 1872 fekk Amund husmannskontrakt på Rushaug, og i 1875 for eitt år på Brøtin under Gastgjevarhauge saman med sonen Erik. Amund døydde på Dønhaug, rimelegvis nedre Døn-

haug, der Kari var i 1891. Barn til Amund og Kari:

1. Halstein f 1864 d 1888.
2. Berte Maria f 1867 gm Johan Jakobson Sørhuseige, sjå nedre Dønhaug 37/50.
3. Martin f 1872 g 1. m Ingeborg Marie Pedersdotter Sten, sjå nedre Dønhaug 37/50, g 2. m Guri Mikkelsdotter Tollevsrudplassen, sjå Sagstugu 39/26.
4. Kari f 1875.

I 1865 var Amund og Kari husmannsfolk med jord, hadde 6 sauer, 7 geiter, og sådde 10 settingar bygg og 2 tønner poteter.

Andreas Monsson, mjølnar, gm *Gunhild Pedersdotter* budde i Kleiven i 1865. I 1866 fekk Andreas festesetel på Brue, og dei er nemnde her til 1872. Barn som me kjenner:

1. Magnus f ca. 1859.
2. Johanne Mathilde f ca. 1862.
3. Peter f 1865.
4. Engebret f 1867.
5. Lise Torine f 1870.
6. Anne Marie f 1872.
7. Johan Andreas f Vesterbøeige ca. 1876 gm Marie Halsteinsdotter Brettene, sjå Fjellheim i Bagn.

Ola Hansson Leistrudlie gm *Pernille Toresdotter Bølia,* Lesja, var husmannsfolk med jord i 1875. Ola var mjølnar. Dei er nemnde i Leistrudlien frå 1876, sjå Plassen 22/9.

I 1891 er Brue ikkje nemnd, men hjulmakar *Martin Olson* gm *Marit Olsdotter* var her frå sist i 1890-åra. Martin kjøpte tomta i 1907, sjå Berg i Bagn.

Nedre Dønhaug bnr. 50

Nedre Dønhaug var ein liten plass utan jord nedafor Dønhaug.

Her budde i 1891 *Kari Halsteinsdotter,* sjå Brue under Ellendshauge, med to barn og mor si. Kari var då enkje.

Sonen *Martin Amundson* f 1872 g 1. 1896 m *Ingeborg Marie Pedersdotter Sten,* f Stokke, Nord-Aurdal ca. 1872, er nemnde på Dønhaug i 1896 og -99. Barn:

1. Inga f 1896.
2. Anders f 1899 d 1899.

Martin Amundson g 2. 1901 m *Guri Mikkelsdotter Tollevsrudplassen*, sjå Sagstugu 39/26.

Husmannsfolk i 1900 var verson til Kari Halsteinsdotter, *Johan Jakobson* f Sørhuseige ca. 1869 d 1932 gm *Berte Maria Amundsdotter* f 1867 d 1931. Johan Jakobson åtte søre Hesthagin 34/1 1921—27. Barn:

Anders f 1894 gm Alma Evensdotter Elveli, Vardal, sjå Fjellkleven i Bagn.

Martin Lindelien f 1911 d 1977 gm *Karen Nilsen,* Bagn, f 1918, leigde nedre Dønhaug frå om lag 1935, og kjøpte staden etter utskiljing frå Ellendshauge i 1959. Barn:

1. Gunvor f 1936 gm Frank Knutsen, busette i Drøbak.
2. Kirsten f 1938 gm Kjell Nystuen, busette i Lofoten.
3. Astrid f 1940 gm Ove Granum, Snertingdal, busette i Hunndalen.

Velstelt stuguinteriør på nedre Dønhaug fyrst på 1900-talet. Frå høgre Johan Jakobsen, kona Berte Maria Amundsdotter f Dønhaug 1867 med barnebarnet Atle på fanget, og til venstre sonen Anders. Framskåpet er gamalt, foran vindauget blomster og sidegardiner på stenger med dreide kuler. I taket ei lampe med glassprisme. Bordteppet med rund heklabrikke var typisk for tida. Stuguplantene er til høgre «Den plettede jomfru», som har grøne, store blad med kvite prikkar, midt på biletet «Rør meg ikke», og frå taket heng bregner.

Stryken

Strekninga frå Bjørkelund til nedre Dønhaug var før kalla Stryken. Det tyder på at den gamle plassen Stryken under Ellendshauge må ha lege her. Namnet har rimelegvis samanheng med *stryket* i Begna, før kraftverket var bygt.

I 1751 fekk husmannen Ola Gudbrandson og kone husmannskontrakt av Ellend Bagn på plassen Stryken mot å arbeide fire onnedagar. *Ola Gudbrandson Bagn,* truleg son til Gudbrand Erikson Bagnsmoen og f 1713, d 1766, g 1. 1734 m *Siri Isaksdotter* f ca. 1704 d 1736 i barselseng. Mogleg er Ola den Ola Gudbrandson som i 1733 fekk dottera Rangdi. Barn til Ola og Siri:

1. Gudbrand f 1735.
2. Siri f 1736 gm Håvård Mikjelson Lundatn, sjå Øyhuseige.

Ola Gudbrandson g 2. 1737 m *Ingebjørg Tøsteinsdotter.* Barn:

1. Gudbrand f 1739.
2. Tøstein f 1744.
3. Ingrid f 1747.

4. Ingebjørg f 1749, mogleg d på Bagnseige 1832.
5. Gunnar f 1754.

Ola Gudbrandson g 3. 1754 m *Beret Olsdotter Moen* f ca. 1726 d 1798. Barn:

1. Marit f 1756.
2. Ingebjørg f 1758 gm Anders Andersson Jukam, sjå Jukamslie under nedre Jukam.
3. Ragnhild f 1760 gm Erik Olson Bagnseige.

Gastgjevarhaugen bnr. 8

Allereie på 1600-talet var det gjestgjevari for vegfarande her. Slik oppstod namnet Gastgjevarhaugen. I daglegtale heiter garden berre Haugen.

Gullik Timannson Torsrud, som overtok øvre Bagn bruk I av skyld 8 skinn etter faren Timann Torsrud, makeskifta i 1709 til seg bruk II av skyld 8 skinn. I 1719 og -20 pantsette og selde Gullik tilsaman 8 skinn, Ellendshaugen, til Ellend Arneson. I 1732 kjøpte han bruk III av skyld 8 skinn. Dei to partane Gullik etter dette hadde, tilsaman 16 skinn, vart Gastgjevarhaugen.

Gullik Timannson søre Torsrud f ca. 1681 d 1766 i Gol g 1703 m *Ingebjørg Bjørnsdotter Frøysåk,* f ca. 1683 d 1744 i Gol. I 1722 budde Gullik på øvre Skjaker i Land. Ved skiftet etter Ingebjørg i 1745 var bruttoeiga 707 rd. og nettoeiga 687 rd. Barn:

1. Eivind f 1704.
2. Gjartrud f 1705 d 1706.
3. Guri f 1707 d 1710.
4. Gjartrud f 1709 d 1712.
5. Bjørn f 1712 d 1712.
6. Ingebjørg f 1714 gm Ola Ellendson Bagn, sjå Ellendshaugen 37/2. Dei kom til Landmark.
7. *Anne* f 1716 gm *Nils Jakobson Eikli,* Gol, neste eigar.
8. Gunhild f 1719.
9. Guri f ca. 1720 d 1741.
10. Kari f 1722 (øvre Skjaker) d 1773, Gol, g 1743 m Ola Olson Nøreim, Gol.
11. Gjartrud f 1725 d 1726.
12. Timann f 1727 d 1741.

Etter krav frå Gullik Bagn vart garden seld på auksjon i 1744 til versonen *Nils Jakobson Eikli* frå Gol g 1743 m *Anne Gulliksdotter,* som fekk auksjonsskøyte i 1746 for 503 rd.

Nils Jakobson selde i 1746 for same pris til *Embrek Olson Byffellie* gm *Gjartrud Nilsdotter,* som i 1747 fekk dottera Sesel på Bagn, og flytta til Kleivgard.

Embrek Olson selde i 1748 for 500 rd. til *Gudbrand Eivindson Flågum* gm *Kjersti Andersdotter* f ca. 1714 d 1753. Barn, dels med alder oppgjeven ved skiftet i 1753:

1. Eivind, 17 år.
2. Anders, 12 år.
3. Knut, 9 år.
4. Ola, 7 år.
5. Maria, 6 år.
6. Anne f 1749 d 1750.
7. Gudbrand f 1751.
8. Sjugurd f 1753.

I november 1748 var det synfaring etter krav frå Gudbrand Eivindson. Husa var: 1. Daglegstugu med loft og kammers samt kjellar under og fire vindaugo var så forfallen at den var omtrent utenleg. 2. Natt-

Tunet på Gastgjevarhauge ca. 1895. På Gastgjevarhauge var det gjestgjevari og overnattingsstad for ferdafolk gjennom fleire hundreår.

stugu med kammers og dobbelt loft over og ni små vindaugo var temmeleg forfallen. 3. Ei loftstugu med to buer under og fire små vindaugo, temmmeleg forfallen. 4. Låven med to brøt var så forfallen at den måtte takast ned og setjast opp att, for det meste av nytt virke. 5. Fjøset var heilt opprote og ubrukeleg. 6. Ein stall av gamalt tømmer. 7. Småkrøterhuset hadde skader både på vegger og tak. 8. Eldhuset hadde tak i elendig stand. 9. Låven trong nytt tak. 10. Eit kvernhus. 11. Ei lyu på Bagnsmoe. 12. På heimsetra var eitt hus med bu og fjøs og med tak til inga nytte. 13. På langsetra Bukfyllsetre var eit eldhus og ei gamal og roten lyu. 14. På langsetra Hallkinnsetre var eit gamalt og dårleg seterhus og ei lyu.

Ved skiftet etter Kjersti i 1753 var bruttoeiga 655 rd., men gjelda var heile 1475 rd. Gjelda var så stor at lagretten meinte buet måtte seljast. Men det ville føre til armod og elende for Gudbrand og dei små barna hans. For at Gudbrand kunne bli ved garden lengst mogleg, tilbaud Svein Olson Tråset, som var største kreditor, seg å svara all gjeld mot at det buet åtte vart utlagd til han. Det godtok dei andre kreditorane.

Svein Tråset flytta kort etter til Gastgjevarhaugen, for i ein pengemangellysing til 8 skinn i øvre Bagn i 1754 heiter det at Svein bur på denne delen. I 1767 selde Arne Olson Ellendshaugen odelsretten til 8 skinn til Svein for 150 rd.

Svein Olson Tråset frå Fåberg f ca.1700 d 1769 g 1754 m *Eli Henriksdotter Haug,* Vardal, f ca. 1712 d 1768. Svein Olson Tråset — «Svein

Kyrkjebyggjar» — bygde Bagn kyrkje på Bagnsmoe i 1735, kyrkjene i Aurdal og Etnedal, utvida stavkyrkja i Hedalen til korskyrkje og bygde rimeligvis også fleire kyrkjer.

I 1769 selde arvingane etter Svein Olson Gastgjevarhaugen til *Steingrim Olson Bagn,* Ølmhus, f 1737 d 1813 for 1398 rd. Steingrim gifta seg i 1772 med *Guri Sjugurdsdotter Bøen,* Bøen 11/12, f 1750 d 1832. Etterkomarane deira har sidan vore på Hauge. Barn:

1. Marit f 1775 d 1776.
2. *Ola* f 1777, neste brukar.
3. Marit f 1779 gm Erik Haraldson nørdre Haugsrud.
4. Sjugurd f 1783.

I 1787 delte Steingrim Olson og Ola Arneson Ellendshaugen hogsten og utmarka mellom dei to gardane.

I 1801 selde Steingrim Olson for 1500 rd. til sonen *Ola Steingrimson* f 1777 d 1847 g 1. 1804 m *Kari Olsdotter Erstad* f 1786 d 1822. Ola Steingrimson g 2. 1823 m *Siri Olsdotter Breie* f ca. 1803 d 1840. Ola Steingrimson g 3. 1843 m *Anne Gulliksdotter Renna* f 1798. Anne g 2. 1847 m kyrkjesongar *Arne Sjugurdson Bagn,* sjå Klukkarmoen.

Etter kontrakt i 1801 skulle livauret til Steingrim og Guri vera 4 tønner stritt bygg, 4 1/2 tønner blandkorn, 1/2 tønne rug, 1 slaktenaut, 4 skjepper malt, 2 skjepper salt, 3 settingar hampesæd, og røkt og stell av 4 kyr, 10 småkrøter og 1 hest, som kunne brukast på garden når livaursfolka ikkje trong han. Dei skulle òg ha 3 mål åker og nokre små myrstykke, kalla *Skogtrædet,* som Steingrim dels hadde oppdyrka og ville dyrke vidare, 3 vinterlass godt vollhøy og varmt hus.

I 1817 kjøpte Ola Steingrimson Lennersstølen i Bjødale av Sjugurd Aslakson Klauvrud for 50 spd. I 1824 makeskifta Ola Lennersstølen mot halvparten i setra Høvreslie under Navrud med Hallstein Sjugurdson Kvål.

I 1838 selde Ola Steingrimson garden for 1600 spd. til systersonen *Steingrim Erikson nørdre Haugsrud* f 1811 d 1885 gm *Hanna Lovise Helgesdotter Skogstad,* Ådalen, f 1835 d 1896. Barn:

1. *Erik* f 1856, neste brukar.
2. Helge Martinius f 1858, dreiv landhandel på Bjørkelund, til Amerika 1882.
3. Maren Marie f 1860 gm Kristian Maurits Mustad, Gjøvik.
4. Marit f 1863 gm Ole Engebretson Breie, til Amerika.
5. Sigrid f 1865, til Amerika.
6. Ole Andreas f 1867 d 1869.

Brukarfamilie på Gastgjevarhauge. Steingrim Erikson, frå nørdre Haugsrud, f 1811 med Sigrid f 1865 på fanget og kona Hanna Lovise Helgesdotter f Skogstad, Ådalen, 1835, med Gunhild f 1870 på fanget. Dei andre barna er Maren Marie f 1860, Helge Martinius f 1858 og Erik f 1856.

Tømmeret blir målt og merka. Erik Haugsrud f 1856 ytst til høgre, med tømmerklave.

7. Gunhild f 1870 g 1. m Andreas Olson Tronrud, g 2. m Arne Olson Haugrud, sjå båe gonger Lykkja under Gastgjevarhauge.

I 1844 selde Steingrim Erikson for 3200 spd. til *Arne Olson Ellendshaugen.* Steingrim kjøpte garden Hvamstad på Hadeland, men angra og kjøpte Haugen att av Arne i 1845 for 2250 spd.

Før Arne Ellendshaugen selde garden til Steingrim Erikson, reiste ei yngre syster til Steingrim, Gunhild Maria Eriksdotter Haugsrud, odelskrav. I juni 1845 var det odelstakst. Jordvegen, under omsyn til livauret til Ola Steingrimson og Siri Olsdotter, vart verdsett til 1200 spd. og skogen, som ikkje gav noko til sal, til 600 spd., tilsaman 1800 spd.

Branntakst 1854: 1. Ein hovudbygning med skifertak. I fyrste høgda var kjøken, daglegstugu, storstugu og sengekammers, i andre høgda kjøkensal, sengekammers, gang og sal. 2. Ei bu i to høgder, tre rom i kvar, og skifertak. 3. Eit eldhus med to rom og tak av jord med bord på. Hus som ikkje vart forsikra: 4. Eit fjøs med tak av jord og bord. 5. Ein låve med tak av jord og bord. 6. Ein stall med tak av jord og bord. 7. Ein annan stall med dobbelt bordtak. 8. Ein vedskåle og vognskjul med tak av jord og bord. 9. Eit gamalt våningshus med tak av never og jord. Steingrim opplyste at huset var selt og skulle rivast til våren.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 30 mål god åker, 70 mål ganske godt slåtteland, frå setrar og utmark kom 36 skippund høy, hamninga var neppe tilstrekkeleg, 20 tylfter furutømmer kunne hoggast for sal og dei lauva 1000 kjerv. I 1865 hadde dei 2 hestar, 10 naut, 16 sauer, 3 grisar, og sådde 6 settingar kveite, 15 settingar rug, 2 1/2 tønner bygg, 3 tønner blandkorn, 6 settingar erter og 8 tønner poteter.

I 1886 selde Hanna Helgesdotter til sonen *Erik Steingrimson* f 1856 d 1948 gm *Ingeborg Olsdotter Rogne,* Øystre Slidre d 1900. Barn:

1. Hanna Lovise f 1879, til Amerika, d 1943 i Bagn.
2. Ingeborg f 1880.
3. Ole f 1882, til Amerika.
4. Ragnhild f 1883 d 1904.
5. Olga f 1885, til Amerika.
6. Ivar f 1887, til Amerika.

Slåttonn på Gastgjevarhauge i 1911. Rakstejenta til venstre er truleg frå Smedsrud, deretter truleg Olava Thomasbråten. På høyriva sit Arne Gubberud, deretter Karoline og mannen Erik Haugsrud med tvillingane Steingrim og Erland, som seinare vart brukarar. Fotografen Olga Olsen har sett seg i høyet. I høyvogna Olaf Biribakken, Leander Dølvesæter, og lengst til høgre Mathilde Hagen, dotter til Ole på Hengjun. Mathilde reiste til Amerika etter konfirmasjonen.

Erik Steingrimson g 2. 1907 m *Karoline Erlandsdotter Stensæter* f 1884. Barn:

1. *Steingrim* f 1909, neste brukar.
2. *Erland* f 1909, brukar saman med tvillingbroren.
3. Erik f 1913, busett i Oslo.

Erik Haugsrud var ein dyktig jordbrukar som fylgde godt med i utviklinga, og var den fyrste i bygda som fekk i stand kulturbeite. I ein mannsalder var han tømmermerkjar for Hønefoss Bruk og var også tømmeroppkjøpar.

I nokre år til etter 1. verdskrig dreiv Erik ein brenntorv- og torvstrøfabrikk ved vestenden av Mikjelstjednet på Tonsåse. Namnet skal koma av at ein gutunge drukna i tjednet. Her var 30 mann i arbeid på det meste. Den største avtakaren av brenntorva var jarnbanen, som brukte torva til oppvarming på stasjonar. Ved torvfabrikken låg også Myre, haustsetra til Gastgjevarhaugen. Så lenge Ingeborg, den fyrste kona til Erik levde, var det sumarpensjonat på Hauge. (M.a. frå Valdres 14.10.1926, 13. 10.1936 og 7.10.1948.)

I 1939 fekk brørne Erland og Steingrim Haugsrud auksjonsskøyte, og dreiv kvar sin del av garden. Ved skylddeling i 1945 vart garden delt. Erland sin part fekk bnr. 35.

Erland Haugsrud f 1909 gm *Sigrid Kristine Nerødegård,* Øvrevøll 32/12, f 1904. Under krigen dreiv dei litt pensjonatverksemd.

Steingrim Haugsrud f 1909 d 1980 gm *Mary Kårjord,* Botne, Vestfold, f 1912 d 1980. Barn:

1. *Anne Karine* f 1944, neste eigar.
2. Ingunn Helene f 1946.
3. Ellen Marie f 1950 gm Tor Inge Dovland, busette i Lørenskog.

Anne Karine Haugsrud f 1944, eigar av foreldra sin part frå 1980, gm *Tore Labugt,* Balsfjord, f 1935. Barn:

Marianne f 1967.

Gastgjevarhaugen bnr. 8 og 35 har i alt 96 da. dyrka jord og 3350 da. skog og utmark. Dei siste åra har Erland hatt fôringsdyr, medan Steingrim dyrka korn.

På Hauge er to bygningar, ein for kvar brukarfamilie. Med unnatak av den eldste bygningen, bygde Steingrim Haugsrud dei andre husa i brukstida si frå 1845. To store, eldre bygningar vart selde og flytta, den eine til Steinsetre og den andre til Flatåker. Eit gamalt stabbur frå gjestgjevartida er flytta til Ellendshaugen, sjå der. I 1970-åra laga Erland og Steingrim kvar sin fiskedam med vatn frå Harabrennbekke.

Ein del av eigedomen i nordvest, Hamnelykkja, vart i 1986 seld til kommunen til bustadtomter.

Skreddarverkstaden til Ole M. Sørflaten på Bjørkelund. Ole M. Sørflaten med måleband kring halsen til høgre, ved symaskina til venstre skreddarsveinen Anton Navrud. Anton Navrud levde som skreddar på Nygard i Bagn.



Frå «Storvegen» utafor Bjørkelund, truleg ein sundag. Kari Dønhaug med huguplagg, Guri Sørflaten med sykkel, og ved sida av mannen til Guri, skreddar Ole M. Sørflaten. Lengre borte i vegen kjem ein skysshest.

Bjørkelund bnr. 11

Helge Martinius Steingrimson Haugsrud f 1858 d i Amerika 1921 fekk denne staden av broren Erik på Hauge, og dreiv landhandel her. Helge avvikla forretninga etter akkord, og reiste til Amerika i 1882. Erik S. Haugsrud fekk skøyte på staden frå konkursbuet etter Helge i 1885.

I 1889 vart Bjørkelund utskild, og seld i 1890 av Erik Steingrimson til skreddar *Ole Mikkelson Sørflaten,* nedre Sørflate 28/2, f 1860 d 1945 g 1887 m *Guri Olsdotter Kleive,* Fremredalen 37/5, f 1857 d 1945. Ole Sørflaten hadde skreddarverkstad heime, og hadde som regel med seg ein svein. Barn:

Anna f 1888 gm Kristian Knutson Bergsund, sjå nedre Koparvike 50/4.

Son til Anna og Kristian Bergsund, *Hans Bergsund* f 1920, kjøpte Bjørkelund av besteforeldra i 1944, gm *Ingebjørg Dokken,* Hagali 33/24, f 1920. Barn:

Aud Solveig f 1950, neste eigar.

Huset på Bjørkelund stod her då Ole M. Sørflaten kom. Det er seinare påbygt og modernisert. I tillegg til våningshuset fanst òg låve, fjøs og bu. Ole og Guri Sørflaten hadde eit par kyr til krigen og setra Bekkevøllen på Høvssetro. Kristian Bergsund overførte i 1944 denne setra til Bergsund. Hans Bergsund bygde ein snikkarverk-

stad i 1952 på tomta der fjøset hadde stått, som han dreiv til 1972. Seinare har Hans vore vaktmeister på ungdomsskulen.

Aud Solveig Bergsund, f 1950, lærar, eigar frå 1984, gm *Axel Hugo Pripp,* Kristiansand, f 1949, snikkar. Dei har bygt bustadhus. Barn:

1. Hans Kristian f 1984.
2. Trond Edvard f 1986.

Over Bjørkelund går fylkesveg 219 med bru over Begna over *Hudhølen.* Namnet kjem av at her bløytte og røytte dei huder for garving i eldre tid.

Frå Bjørkelund er utskilt bustadtomtene Liberg, Elvelund og Solnes på det området langs elva som før var kalla Stryken.

Liberg bnr. 36

Bustadhus på tomt utskild i 1946, bygt i 1947 av *Oddleiv Lie,* øvre Torsrud 30/16, f 1908 , har vore lærar, g 1. m *Britt Kristine Todal,* Nordmøre. Barn:

Anne Marie f 1949 gm Lars Berg, Oslo.

Oddleiv Lie g 2. m *Arnbjørg Kulterstad* f 1922.

Elvelund bnr. 37 og 45

Bustadhus på tomt utskild i 1946, bygt i 1949 av *Ingvald Biribakken* f 1894 gm *Olaug Nybråten,* Leirskogen, f 1912 d 1949.

I 1976 kjøpte *Toralf Leite* f 1915 gm *Haldis Biribakken,* f 1925, sjå Rostad 30/28, huset av Ingvald Biribakken. Dei kom frå Oslo og busette seg her fast i 1982.

Solnes bnr. 46

Tomta vart kjøpt i 1958 av *Halvard Johnsen,* sjå Liffengren 33/3, som i 1959 selde til *Ola A. Dokken,* sjå Dølvesskaret 48/27. Han bygde bustadhuset her, som blir bortleigd.

Lykkja

Lykkja var eit areal ved Dønhaug. Dette fekk syster til Erik S. Haugsrud, *Gunhild Steingrimsdotter Haugsrud* f 1870 d 1919. Gunhild var g 1. 1893 m *Andreas Olson søre Tronrud* f 1864 d 1902. Han dreiv som skomakar i Lykkjun. Barn:

Sigrid f 1894 gm Gudbrand Gudbrandson Øverby, busette i Oslo.

Gunhild g 2. 1907 m *Arne Olson Haugerud* f 1882. Arne hadde hest og køyrde varer frå Tonsåse til butikkane i Bagn. Arne Haugerud g 2. 1922 m *Ragnhild Olsdotter Brenningen,* sjå Brenninge 14/6.

I 1930-åra kjøpte Even Bergei stugu i Lykkjun og flytta ho. Stugu brann under krigen i 1940. Frå Lykkjun er det bygsla fleire bustadtomter.

Steinkjær bnr. 58

Bustadhus bygt i 1967 av *Hallvard Dokken* f 1931, ambulansesjåfør, gm *Kari Koppervik* f 1934, Dølve skule, sosialsjef i Sør-Aurdal. Barn:

1. Bjørg f 1959.
2. Ingvar f 1963.

Frå Øystre Bagn med den nye doktergarden til dokter Hallgrim Evjen, Solhaug, i forgrunnen. Huset var romsleg bygt for å kunne ha plass til pasientar over nokre dagar. Sør for Bagnsgryta snevrar dalen seg saman.

Bergen bnr. 59

Bustadhus bygt i 1968 av *Einar Tronsplass* f 1910, har vore maskinkøyrar, gm *Gudrun Langedrag* f 1919. Barn:

1. Olaug f 1946 gm Kristian Fremgaard, sjå nørdre Torsrud 30/6.
2. Terje Olav f 1956.

Bustadhus bygt i 1986. *Nils Magnar Lødemel,* Fiskåbygd, Vanylven, f 1954, elektromaskinist, gm *Gunn Erna Rundbråten,* Lauvstad 56/11, f 1955, kontordame. Barn:

1. Nina f 1979.
2. Eivind f 1982.

Solhaug

Det store bustadhuset på Solhaug vart bygt i 1900 på bygsla tomt frå Gastgjevarhauge av dokter *Hallgrim Evjen* frå Ål i Hallingdal f 1862 d 1918 gm *Inger Marie Rud,* Nes i Hallingdal, f 1868 d 1935. Barn:

1. Einar Asbjørn f 1890 d 1967.
2. Borghild Kristi f 1892 d 1970 i Afrika gm misjonslege Olaf Olsen, Mandal.
3. Astrid Solveig f 1895 d 1898.
4. Knut Arnfinn f 1899 d 1942.
5. Leif Erik f 1901 gm Edrun Refling.
6. Hallgrim Kåre f 1905 d 1907.
7. Arnbjørg Astrid Marie f 1909 gm Rasmus P. Piltingsrud.

Hallgrim Evjen var kommunelege i Sør-Aurdal, og kom hit i 1892. Legedistriktet var stort, ei tid høyrde også Etnedal med. Det vart mange, lange og slitsame reiser. Dei fyrste åra var det berre hesteskyss, og på Solhaug hadde dei to-tre hestar. Når Evjen kom utanfrå til telegrafstasjonen på Liffengren, sov han oftast i sleden eller kjerra. Men hestane stana alltid, trødde i vegen, vrinska og vekte dokteren når dei var framme. Seinare tok Evjen i bruk motorsykkel og frå 1911 bil. Nokre gonger måtte også skiene fram. Før jarnbanen kom, måtte dei transportere sjuke til sjukehuset på Hønefoss i slede om vinteren og med hest og vogn og i båt om sumaren. Ofte måtte Evjen gjera store og vanskelege operasjonar heime, også etter at jarnbanen var ferdig. Til hjelp ved slike operasjonar hadde han gjerne dyrlegen eller jordmora.

Hovudbygningen vart dels ombygd og modernisert i 1950—58. Eit anneks vart oppsett i 1956—58. Dørene til stabburet frå 1900 er frå telthuset på Bagnsmoe. Til 1935 hadde dei to kyr.

Skogtun bnr. 43

Bustadhus på tomt utskild frå Gastgjevarhauge i 1950, bygt i 1950 av *Anders Renden* f 1903 g 1934 m *Åsta Eriksdotter Lien,* Liabekklie 52/4, f 1909. Anders Renden budde i Rennun til han var 25 år, og var med faren ikring som smed. Seinare leigde han smiu til Storebrofoss Tresliperi til 1948. I åtte år var han sliperiarbeidar til tresliperiet vart nedlagt. Barn:

1. Eva f 1935 gm Anton Rud, Begnadalen.
2. Agnes f 1936 gm Kristoffer Stensæter, busette på Hønefoss.
3. Edrun f 1948 gm Arvid Sigvartsen, busette på Gjøvik.

Åsta f 1909 og Anders Renden f 1903, truleg ved ei seterflytting. Anders budde i plassen Renna under Gastgjevarhauge til han var 25 år.

4. Aase f 1950 gm Knut Kamben, Bagn.

Gullhaug bnr. 47

Bustadhus på tomt utskild frå Gastgjevarhauge i 1955, bygt av *Gunnar Bergli,* Skoglund i Bagn, f 1925, bygningsarbeidar, gm *Margit Bråten,* Aurdal, f 1921. Barn:

1. Terje Gunnar f 1955.
2. Gunn Marit f 1964.

Haugtun bnr. 56

Bustadhus frå 1963 på tomt utskild i 1961 frå Gastgjevarhauge, bygt av *Ottar Odden*, Dalborg 39/39, f 1923 gm *Arnbjørg Kløvstad* f 1924. Barn:

1. Ole Bjørn f 1961.
2. Åse Kristin f 1970.

Tøgbanin

Oppe på Tonsåse, ved enden av taubanen frå tresliperiet nede i Bagn, var det bustad i samband med arbeidet på banen. Huset låg i skogen til Gastgjevarhaugen. Stasjonsbyningen er restaurert, og blir utleigd til feriebustad.

Frå 1914 til -47 budde *Kristian Henriksen* frå Jevnaker f 1874 d 1954 gm *Oline Gudbrandsdotter* frå Sør-Fron f 1880 d 1961, på Tøgbana. Kristian var arbeidsformann på banen. Saman med Haldor Moen tok Kristian imot papirballane som kom opp frå sliperiet, om lag 200 om dagen, og lasta dei inn på jarnbanevogner.

Kristian og Oline kom til Bagn ca. 1905. Fyrst budde dei i Leiteplasse på Leirskoge, sidan på Lidemarksagen på Tonsåse. Lidemarksage låg i krysset til Kjeldeknatten, og har namn etter han som sette opp saga. Barn:

1. Charlotte f 1907 d 1984 gm Gulbrand Lafton.
2. Jenny f 1908 gm AntonTurin, Oslo.
3. Sverre Oskar f 1910 gm Ragnhild Mønnerød, Sandefjord.
4. Odd Johan f 1915 gm Borghild Hansen, sjå Dønhaug 37/14.
5. Olaf Selmer f 1917 d 1986 gm Magda Rimmen, sjå Nerstad 33/32.

Kræmarmoen

På flata ned for Gastgjevarhauge, ut mot elva, var det handelsverksemd i lengre tid. Staden vart difor kalla Kræmarmoen.

Hausten 1838 fekk landhandlar Tåle Drogset leige eit areal her av Steingrim Haugsrud mot ei årleg avgift på 10 spd. Jordstykket var kalla Nordmoen, rimelegvis av di det ligg nord for Bagnsmoe. Seinare vart namnet Kræmarmoen. Tåle Drogset hadde i september same år vorte landkræmar i Sør-Aurdal.

I desember 1838 var det auksjon på husa på Nordmoe, som høyrde til Arne Olson Vøll, etter krav frå kjøpmann i Kristiania, Jakob Haslund. Arne Olson på søre Vøll hadde gått konkurs. Haslund fekk tilslaget og skøyte i 1839 for 44 spd. Husa var ei stugu, ein stall med trev, eit fjøs og ei lyu og vedskjul. Kjøpmann Haslund selde husa i 1839 for 81 spd. til Knut Ellevson Granum eller Tollevsrud, som selde same tid til landhandlar Drogset for 100 spd.

Tåle Ansteinson Drogset, f 1815 på østre Disen, Vang på Hedemarken, g 1840 m *Berthe Olsdotter Markeng*, Biri f ca. 1816 d 1857 av tæring. Tåle Drogset hadde fyrst vore på Drogset på Biri. Han døydde før 1857, då det var skifte etter Berthe. Barn:

Anne Mathea f 1840, til Kristiania.

Peder Larsson Sveen frå Sveen i Redalen f ca. 1807 d 1875 vart landhandlar i Sør-Aurdal i 1858 etter Tåle Drogset, som han fyrst hadde vore krambudreng hjå. Peder Sveen fekk kontrakt på Kræmarmoen i oktober 1863. I 1859 gifta han seg med *Berthe Marie Hansdotter* frå Vasslia i Land f ca. 1827. Barn:

Nils f 1861, til Amerika.

I 1864 selde Peder Sveen forretninga på Kræmarmoe til Christen Christensen, og kjøpte Tamburgarden, som han åtte til 1867. I 1868 kjøpte han søre Vøll 37/7.

Chr. Christensen frå Drammen kjøpte i 1864 forretninga til Peder Sveen på Kræmarmoe, som han dreiv til om lag 1885. I 1886 bygde han Breidablikk Sanatorium i lia opp mot Tonsåse. Kona Jeanette Marie var fødd Hvoslef.

Chr. Christensen fekk arvefestekontrakt av Steingrim Haugsrud på Nordmoen, eller Kræmarmoen, i 1871. Christensen hadde fyrst hatt ei forretning på Dal ved Eidsvoll, og sette også i gang landhandel i Aurdalsbye saman med kjøpmann Edvard Weimoth, og på Vølle i Vestre Slidre. Kring 1885 slutta Christensen med forretninga på Kræmarmoe, og bygde Breidablikk Sanatorium i lia opp mot Tonsåse i 1886. I 1893 makeskifta han ein del av Kræmarmoen mot Lindelisetre m.m. med G. Svendson.

Christen Christensen frå Drammen f ca. 1836 d 1923 gm *Jeanette Marie* f Hvoslef, Kristiania, f ca. 1833 d 1907. Dei adopterte

Kristiane Sofie Fougner, Ringebu, f 1877, gm Syver Olson Bang, sjå Tamburgarden 39/5.

I 1865 hadde dei 1 hest på Kræmarmoe, og sådde 4 settingar bygg og 3 tønner poteter.

I butikkbygningen på nedsida av vegen, seinare kalla Gimle, dreiv *Kristine Arnesdotter Løkken,* Torsrudlykkja, f 1858 d 1910, kafé- og bakeriforretning gjennom fleire år. Ho er oppført her i 1900. I januar 1904 meldte avisa Valdres at Kristine hadde sett i stand det nye huset sitt, Fredheim, på Bagnsmoe, der forretninga ville halde fram.

— I Fredheim, ei lita stugu ved kyrkjegardsmuren, budde også «Halvor på Berge», bror til Kristine, på sine gamle dagar.

Det var ein stor hygge å koma inn til Kristine, som var svært gavmild sjølv om ho sat trongt i det. Ho trakta ikkje etter kvart øyre ho kunne få av kundane, men gav bort mykje mat og kaffi til ring og rik. Mange fattige kjem nok til å savne Kristine, som dei var vane med å få noko av til å styrke seg på, skreiv A. Lønnum i Valdres 18.1.1910 då Kristine var gått bort.

I 1908 overtok lensmann *A. Wibe* festekontrakten på Kræmarmoen etter Chr. Christensen. I 1912 vart eigedomen utskild frå Gastgjevarhauge, og lensmann Wibe fekk skøyte i 1915. Han delte frå butikkbygningen, Gimle, i 1918, og selde delen med bustadhuset på oversida av vegen til *Kristian Fønhus* i 1919.

I 1924 selde Kristian Fønhus til lensmann *A.P. Skattebo,* Øystre Slidre. Dottera Gunvor, gift Irgens, busett i Oslo, har huset som feriestad.

Gimle bnr. 25

Gimle er den nedre delen av det gamle Kræmarmoen, og vart utskild derifrå i 1918. Butikken stod på Gimle. Den gamle butikkbygningen vart flytta ned frå Tamburgarde, rimelegvis då Peder Larsson Sveen åtte Tamburgarden 1864—67, og er no innebygd i den søre delen av Gimle.

I 1918 selde lensmann Wibe Gimle til *Syver O. Hagene,* Hagatn 11/29, f 1874 g 1896 m *Kristine Gudbrandsdotter Pålsbråten,* Hølvegen 36/21, f 1864. Dei er nemnde på Kræmarmoe frå 1902. Syver var skreddar, arbeidde også på sliperiet, og Kristine dreiv kafé på Gimle. Barn:

1. Inga f 1897, til Amerika.
2. Gunhild f 1898 d 1899.
3. Gunhild f 1900 d 1900.
4. Gudbrand f 1902, til Amerika.
5. Olga f 1904 gm Anders Snortheimsmoen, Røn.

I 1955 kjøpte *Halgrim Bratrud,* nedre Lie 22/13, f 1910, Gimle av buet etter Syver Hagene, gm *Klara Grindheim,* Hedalen, f 1921. Halgrim Bratrud har vore sløydlærar, og mykje brukt til å teikne hus. På Gimle har han utbetra og utbygt huset.

Sandbu bnr. 30

Bustadhus på tomt utskild frå Kræmarmoe i 1933, bygt av dyrlege *Enger*, som flytta frå Bagn i 1940-åra.

Prost og prest i Sør-Aurdal, *Johan Hveem*, f på Østre Toten 1879 d 1973, overtok huset i 1945 då han gjekk av med pensjon, gm *Marie Elisabeth Rangnes*, Kristiansund, f 1880 d 1954. Barn:

1. Bergljot Aleksandra Johansen, fosterdotter, f 1909 gm Odd Arnold Thorsrud, Furnes.
2. Jens Kristian f 1917 gm Lillian Jeppesen, Træna.
3. Anne Marie f 1919 gm Thorlef Andersen, Nøtterøy.
4. *Dora* f 1921, lærar og bur i huset no.
5. Helene f 1924.

Renna

I skogen opp for Spangrud låg plassen Renna. Før det kom hesteveg til søre Gubberud, rende dei tømmer ned den bratte lia herifrå forbi stugu i Rennun. Av det kjem namnet. I vegen til søre Gubberud er ein skarp sving kalla *Rennekastet.*

I 1780 stemna Lars Mikjelson Kyrkjebjørgo husmannen sin, *Ola Nilsson Myrstugu,* eller Kyrkjebjørgmyre, for å ha mishalde plassen og ikkje betalt leige. Ola var no i plassen Renna under Bagn.

Gullik Jøgerson nørdre Føll f 1756 d 1805 g 1779 m *Anne Olsdotter* f ca. 1758, som er nemnde på Bagnseige frå 1784, budde i Rennun. Barn:

1. Tøren f 1780.
2. Jøren f 1781.
3. Ola f 1784 d 1784.
4. *Ola* f 1785, husmann etter broren Per.
5. Tøren f 1788.
6. *Per* f 1790, neste husmann.
7. Simen f 1793 d 1793.
8. Gullik f 1793, tvilling med Simen, d 1793.
9. Jøger f 1794 d 1794.
10. Kari f 1795.
11. Anne f 1798 g 1. m Ola Steingrimson Gastgjevarhaugen, g 2. m kyrkjesongar Arne Sjugurdson Bagn, sjå Klukkarmoen.
12. Siri f 1801 gm Tølleiv Knutson Lundoeige.
13. Ingebjørg f 1804 d 1804.

I 1817 overdrog Anne rydnings- og bygningsarbeidet i Rennun til sonen Per for 50 spd., og skulle også ha livaure. Anne var gamal og ikkje lenger i stand til å bruke Renna, og hadde fyrst rådført seg med broren Ola Olson Strømstad. Grunneigaren Ola Steingrimson samtykte i overdraginga.

Livauret skulle vera 15 skjepper bygg, 5 skjepper havre, 1 skjeppe rug, røkt og stell av 1 ku og 3 småkrøter, 1/2 skjeppe salt, 1 skjeppe malt, 5 alen linstrie, 1 par sko, 1/4 i kålhagen og ein liten åker, *Kjerringryggen,* til 2 settingar potetsæd.

Sonen *Per Gullikson* f 1790 g 1818 m *Anne Eriksdotter Bjørnøydgarden* f ca. 1788, fekk husmannskontrakt i oktober 1826. Barn som me kjenner:

1. Gullik f 1823.
2. Anne Maria f 1825.

I tillegg til den inngjerda plassen fekk Per òg gjerde inn ein liten slått, *Gullikslettet,* som gjekk frå det øvre og nørdre skålelaftet. Han kunne beite i tre myrer: *Gullikskålmyre, Gråndalsmyre* og *Hittebakkmyre.* Leiga på 6 spd. skulle betalast ved å slå i 18 dagar med eigen ljå og skjera 4 mål åker, tilsaman for 2 spd. 3 ort. Utover desse dagane skulle han vera friteken for arbeid i vår-, slått- og skuronna, men elles arbeide om våren og hausten for 2 spd. 2 ort. Den siste spesiedalaren av leiga skulle betalast i pengar til vårtinget kvart år. Når Per gjorde snikkararbeid, skulle han i tillegg til daglønna ha 1 skilling om dagen for å halde reiskapen.

Denne leiga skulle tre i kraft når mor til Per, Anne Olsdotter, døydde. Leiga hennar hadde vore å slå i 12 dagar og skjera 4 mål. Men frå fyrstkomande vår og så lenge Anne levde, skulle leiga aukast med 4 arbeidsdagar om våren, 4 om hausten og 4 om vinteren samt ljåhald i slåtten. Per kunne skaffe ein forsvarleg arbeidskar til å gjera pliktarbeidet.

I februar 1838 fekk bror til Per, *Ola Gullikson* f 1785 d 1873 g 1812 m *Marit Helgesdotter Grøv,* Flatseige, f 1774 d 1846 i Rennun, husmannskontrakt på Renna. Ola døydde på Sørum hjå systerdottera Anne Amundsdotter, som var gift med Gudbrand Hansson. Ola fekk livaure hjå dei ved kontrakt i 1866.

Leiga på 4 spd. 2 ort 12 skilling skulle betalast med 14 dagar slått, 4 mål skur, 3 rakstedagar, 200 lauvkjerv i heimemarka, 9 dagar vår-, 9 dagar haust- og 9 veke vinterarbeid, tilsaman 4 spd. 8 skilling, og resten i pengar.

I 1845 overlet Ola og Marit plassen til *Ola Olson Bagnseige* mot årleg livaure, verdsett til 18 spd., og at Ola Olson betalde 30 spd. som Ola Gullikson skulda Ola Steingrimson Gastgjevarhaugen. Då Ola Gullikson i 1866 fekk livaure på Sørum, skulle Gudbrand Hansson Sørum ha livauret til Ola av Renna.

Hallvor Olson Leistrudbakkatn, Knutsonlie 22/12, f 1819 d 1892 i USA g 1842 m *Maren Sofie Johannesdotter (Johansdotter) Bjørgoeige* f 1823, døypt i Biri, d 1915 i USA, er nemnde i Bakkebrøta 1842, på Åmot under nedre Roo 1845 og i Rennun frå 1848. Maren Sofie tente på Jukam, og vart såleis kjend med Hallvor. Hallvor og Maren Sofie drog til Amerika med dei tre yngste barna i 1875, dei fire eldste hadde reist i 1871. Barn:

1. Ola f 1842, g 1. m Berte Bjørnsdotter Odden frå Nord-Aurdal f ca. 1842. Ola reiste frå Berte og barna til Amerika. I 1875 var Berte innerst på London under Sørbøen, sjå der. Dei tre jentene vart bortsette. Barn: 1. Olaf f 1866, til Amerika 1889, der han byrja med ein fargehandel. 2. Hedvig f 1868 i Kristiania gm Arne Johnson, sjå Høvda 30/5. 3. Maria f 1868 i Kristiania gm Olaus Mikkelson Torsrud, sjå Kinn 33/21. 4. Berthine f 1870 d 1961 gm Anders Øverli, Vestringsbygde. Ola g 2. m Mary Sand.
2. Johannes f 1845 d 1930, sju barn.
3. Hallvor f 1848 d 1905, gm Marit Ellestad, Slidre, fjorten barn.
4. Ingrid f 1850, to barn.
5. Mikkel f 1855 d 1914, gm Carrie Hansson, elleve barn.
6. Gudbrand f 1858 d 1914.
7. Tonette f 1861.

I 1865 hadde dei 2 naut, 7 sauer, 3 geiter, og sådde 1 setting rug, 5 settingar bygg, 15 settingar blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

Eivind Andersson gm *Margit Helgesdotter* var i Sveen i 1875, men deretter i Rennun til Eivind kjøpte Pålsbrøtin 33/8 i 1885, sjå der.

Husmannsfolk etter Eivind og Margit var versonen og dottera, *Peder Pederson* frå Mo, Vestre Slidre, f 1856 d 1931 g 1883 m *Marie Evensdotter Renden* f 1863 d 1923. «Per i Rennun» var ein dyktig smed, og dreiv særleg med grovsmedarbeid. Mest kjend utover dalen var han som rokkeselgar og rokkemakar. Svogeren Anders Bergli — «Anders på Klovo» — gjorde rokkane og Peder smidde det som skulle til. (Valdres 12.3.1931.) Peder og Marie budde i Rennun i over 50 år. Dei hadde to kyr, kalvar og griser, og selde mjølk til Fjellheim hotell. Barn:

1. Even f 1884 gm Dorthea Andreasdotter Bjørneskaret, til Canada.

2. Marit f 1885, var i Amerika og kom att i 1925.
3. Anne f 1887, til Canada.
4. Berit f 1890 d 1890.
5. Peder f 1891 d 1907.
6. Ole f 1893, køyrde postruta Sørum-Bjørgo i mange år. I 1935 fekk han dottera Kjellaug med Olava Fenøen.
7. Birgit f 1894 d 1897.
8. *Ingrid* f 1897 d 1979, den siste som budde i Rennun.
9. Helge f 1899 d 1945.
10. Anders f 1903 gm Åsta Eriksdotter Lien, sjå Skogtun 37/43.

Renna vart nedlagd i 1943 og er no beite. Husa, som var fjøs og låve i eitt og stugu med to rom nede og loft, er rivne.

Brøtin

Brøtin låg oppe i lia ovafor Ellendshauge og Gastgjevarhauge, noko vest for Sveen. Brøtin er nemnd i husmannskontrakten på Renna frå 1826, men dei fyrste me sikkert veit budde her, kom hit noko seinare.

Ola Olson Bagnseige, Spangrud under Ellendshauge, — «Små-Ola» — f 1804 d 1864 g 1830 m *Anne Olsdotter Høvseige* f ca. 1798 d 1873. Dei er nemnde på Bagnseige i 1830 og -35, på Høvseige i 1832, på Rushaug i 1837 og i Brøta i 1841. Då eldste dottera, Ingebjørg, gifta seg i 1854, var ho kalla Brøtin. Ola kom seinare til Dalen på Leirskoge som husmann, og døydde der. Barn:

1. Ingebjørg f 1830 gm Hallvor Olson Vøll, sjå Vøll, ukjend bustad.
2. Ola f 1832 gm Kari Sjugurdsdotter Roo, sjå Dalen 41/5.
3. Marit f 1835 d 1837.
4. Ola f 1837 d 1838.
5. Marit f 1841 gm Sjugurd Sjugurdson nedre Storøydgarden, sjå nørdre Nerøydgarden 40/1.

Husmannsfolk i 1865 var *Erik Olson Sørbøen,* Plassen 38/8, f 1835 d 1876 i Leistrudlien g 1861 m *Marit Olsdotter London,* Spangrud under Ellendshauge, f 1837 d 1894 i Sagstugun. I 1862 var dei på Skarasetereige, i 1874 i Brubakka og i 1875 i nedre Leistrudlien. Barn:

1. Ole f 1862 gm Anne Haraldsdotter Bruskaret, sjå Matbrøtin 39/29.
2. Ole f 1865 gm Ingrid Eriksdotter Lien, sjå nedre Lie 22/13.
3. Syver f 1868 d 1868.
4. Syver f 1870 gm Guri Syversdotter Kallskøtdokke, sjå Framnes 39/21.
5. Johan f 1874 gm Tonetta Olsdotter Gullberg, sjå Åmot 54/9.

I 1865 hadde dei 1 hest, 3 naut, 5 sauer, og sådde 1/2 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

Hausten 1874 fekk *Amund Olson Rushaug* og sonen *Erik Amundson,* sjå Brue under Ellendshauge, kontrakt på Brøtin for eitt år frå våren 1875 mot ei leige på 13 spd. i pliktarbeid og pengar. Seinare er Brøtin ikkje nemnd. Amund døydde på Dønhaug i 1883.

Svee

Svee låg sør for Brøta i om lag same høgd oppe i lia.

Dei fyrste kjende husmannsfolka, *Arne Knutson* gm *Kjersti Gudbrands-*

dotter, er nemnde i Bagnssveen 1844 og på Bagnseige og 1846 og -49, rimelegvis også Svee, men var i 1853 i Pålsbrøta under øvre Sørflaten, sjå der.

Knut Olson øvre Sørflate f 1809 d 1869 ved ei ulykke i Fasleføss g 1833 m *Siri Olsdotter Juve,* Juve 26/2, f 1811 d i Amerika, var husmannsfolk i 1865. Dei er nemnde på Sørflaten 1833—38, på Juvebakka 1841, på Rustebakke 1843, i Bagnslykkjun 1845 og på Bagnseige 1849. Fleire i slekta til Knut i Sveen hadde stor teknisk givnad som smedar, klokkemakarar o.l., men Knut er vel den mest kjende. Ei klokke Knut laga står på Solhaug og ei i søre Jorde. I *Grottun,* eit juv i Kvednelven, hadde Knut ei oppgangssag der han skar for andre. Barn:

1. Ola f 1833 gm Marit Olsdotter søre Bagnsjordet, sjå Bagnslykkja 39/9.
2. Ola f 1835 d 1868.
3. Olea f 1838, til Amerika 1857.
4. Knut f 1841, til Amerika 1861.
5. Hans f 1843.
6. Andreas f 1845.
7. Anton f 1849 g 1868 m Randi Knutsdotter Leistrud, søre Brattrud 23/7, f 1843. Dei fekk i 1869 dottera Sigrid i Sveen.

I 1865 hadde dei 2 naut, 6 sauer, og sådde 1 tønne bygg og 2 tønner poteter.

Eivind Andersson gm *Margit Helgesdotter* er nemnde i Sveen 1874 og -75, og kom seinare til Pålsbrøtin 33/8, sjå der.

Svein Embrekson Braka gm *Ingrid Olsdotter Tronrud* selde i 1877 Halle 44/9 på Leirskoge, sjå der, og flytta ned til Svee. Svein og Ingrid hadde seter i Etnedal som dei brukte medan dei var i Sveen. Dei var her også i 1900, men flytta på sine gamle dagar til ei dotter som var gift i Etnedal.

Ei tid budde *Johan Kloppbakken* frå Nordsinni gm *Berthe Stugarden* i Sveen, og etter dei *Anton Antonson Kløvstad* gm *Åsta Andersdotter Skaret,* sjå Skoglund 39/64. Anton og Åsta var dei siste som budde i Sveen, der det brann under krigen.

Husa i Sveen var stugu, fjøs og låve. Ei trapp utapå veggen førte opp til kvisten.

Rushaug

Rushaug ovafor Tøgbanevege var den øvste av plassane under Gastgjevarhauge.

Ola Olson Bagnseige, — «Små-Ola» — gm *Anne Olsdotter Høvseige* er nemnde på Rushaug i 1835 og -37, men kan ha vore her lenger, sjå Brøtin under Gastgjevarhauge.

Ola Erikson Bagnseige f 1795 d 1890 g 1824 m *Anne Persdotter Sørflatseige,* søre Tronrud 25/1, f 1801, er nemnde på Bagnseige frå 1825, men fleire av barna var kalla Rushaug då dei gifta seg. Barn:

1. Ragnhild f 1825.
2. Sesel f 1827 gm Ivar Olson Vabrøtin, sjå Milevasslie 41/4.
3. Erik f 1829.
4. *Per* f 1832, neste husmann.
5. Siri f 1835, fekk i 1860 sonen Kristian med Kristian Olson frå Veldre, Ringsaker.
6. Anne f 1838 gm Pål Tølleivson Milevatnet, til Amerika 1861.

Husmannsfolk i 1865 var *Per Olson* f 1832 g 1863 m *Ingebjørg Olsdotter Dønhaug* f 1836. Barn på Rushaug:

1. Tøran f 1864.
2. Anne f 1866.

I 1865 hadde dei 1 hest, 1 ku, 4 sauer, og sådde 16 settingar bygg og 1 1/2 tønne poteter.

I april 1872 fekk *Amund Olson Ås* gm *Kari Hallsteinsdotter Kyrkjebjørghaugen,* sjå Brue under Ellendshauge, kontrakt på Rushaug for eitt år, seinare forlenga til 14. april 1877. Men i 1875 fekk Amund saman med sonen Erik kontrakt på Brøtin for eitt år, og ved folketeljinga i 1875 budde ingen på Rushaug.

Nils Knutson Rogne gm *Ingebjørg Olsdotter Bøen* er dei siste me veit budde på Rushaug. Dei var her i 1891, men budde før i søre Bruskare under Høve, sjå der. Ingebjørg døydde i Dønhauglykkjun i 1893 og Nils på Leistrud i 1895.

Ei jente som hadde vakse opp på Rushaug, var 12 år då ho drog til Amerika. Ved eit besøk i Bagn mange år seinare fann ho att ei bjelle i stugumuren, som dei hadde lagt der då dei reiste.

Øvre Bagn bruk III

Etter avtala frå 1706 vart øvre Bagn delt i tre. Bruk III av skyld 8 skinn overtok *Mikjel Olson* gm *Ingebjørg Arnesdotter,* sjå søre Langøydgarden.

Mikjel Olson skulle ha desse husa: Den gamle stugu med den bua som står under loftstugu, fjøset som Ola Erikson, sjå øvre Bagn bruk A, har oppbygt, halvdelen i den største stallen med stalltrev, tredelen i den store høylyu samt ein vedskåle. Tørkestugu, smiu og kvernhuset brukar partane saman, og loftstugu blir halden ved like for dei framande og reisande med ved, lys og varme. — Denne siste opplysninga om losji for vegfarande viser nok til loftet som no står på Ellendshauge, der det var peis i andre høgda.

I 1713 makeskifta *Sjugurd Erikson Øyhus* til seg bruk III mot at Mikjel fekk 4 skinn i øvre Storøydgarde. Sjugurd selde i 1715 for 400 rd. til *Anders Arneson,* som i 1725 kjøpte øvre Storøydgarden.

Anders Arneson selde i 1732 for 288 rd. til *Arne Knutson Bagn,* nørdre Langøydgarden 41/3, f ca. 1695 d 1740 g 1722 m *Siri Sjugurdsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk I. Siri var dotter til den tidlegare eigaren Sjugurd Erikson, og hadde odelsrett. Barn:

1. Sjugurd f 1722 g 1. m Marit Eivindsdotter, g 2. m Marit Hallvorsdotter, sjå Jukamseige.
2. Knut f 1725.

I 1732 selde Arne Knutson bruk III for 310 rd. til *Gullik Timannson Bagn* på bruk II. Mot ei årleg avgift på 1 rd. 1 ort skulle Arne og Siri ha ei stugu og ved så lenge dei levde, og halde huset ved like.

Nedre Bagn, seinare gnr. 38 og 39

I 1612 og -13 betalde *Mikjel* landskatt av nedre Bagn, og frå 1614 til -26 *Ola.* I 1627 er *Ola* og *Hallvor* oppførte, og nokre år vekslar dei to i skattelistene. *Hallvor* er brukar åleine frå 1632 til

-43, og frå 1644 kjem *Ola*. I 1664 er Hallvor Ivarson brukar på nedre Bagn bruk III.

Ola og Hallvor på nedre Bagn var søner til ein Ivar. I 1641 selde Knut Bjørnson, som hadde budd på Kollsgard, samt Ola og Bjørn Olsøner, barnefødde på Sørflaten, 1 hud i nedre Bagn til brørne Ola og Hallvor Ivarsøner. Far til Knut og farfar til Ola og Bjørn, Bjørn Brattrud, hadde for ei tid attende pantsett denne huda, som var odelsgodset hans, til Ola og Hallvor Ivarsøner for 14 rd. og 1 tønne korn. Salssummen i 1641 var 14 rd. samt 3 rd. til Ola og Bjørn Olsøner for åsetesretten.

I 1664 var det fire brukarar på nedre Bagn, bruk I—IV.

Nedre Bagn bruk I

Ivar Olson f ca. 1614, rimelegvis son til førnemnde Ola Ivarson, brukte i 1664 1 hud 4 1/2 skinn. Ivar døydde før kona *Beret Olsdotter* f ca. 1617 d 1697. I ei sak om Torsrud i 1689 fortalde Knut Roo at han for over 40 år sidan hadde tent hjå Ivar Olson Bagn, som då brukte Torsrud. Barn ved skiftet etter Beret i 1701:

1. Anne f ca. 1638 gm Ola Knutson søre Brattrud.
2. Gudbjørg f ca. 1639 d 1704.
3. Eli gm Ola Olson Garthus.
4. Olaug gm Amund Erikson, bur i Land.
5. Guri.
6. Gjøa gm Kjell Olson nørdre Fønnhus.
7. *Ola* f ca. 1649, neste brukar.

Ola Ivarson f ca. 1649 d 1734 fekk i 1701 skøyte frå dei andre arvingane på 7 1/2 skinn i nedre Bagn. I 1686 hadde Ola Ivarson, Ola Gudbrandson Bagn m.fl. fått skøyte av Ola Knutson nedre Kvåle på det sistnemnde hadde arva etter bestemor si i Bagn og Ton. Ola Ivarson var gm *Ingrid Olsdotter* f ca. 1648 d 1713. Barn som me kjenner:

1. *Beret,* neste brukar.
2. Beret gm Elling Olson søre Torsrud.
3. Anne gm Arne Mikjelson Øyhus, sjå Lundoeige.
4. Ingrid gm Hallstein Olson Torsrud, sjå Torsrudkamben 30/21.
5. Åste f ca. 1687 gm Lars Erikson Bagnsmoen.

Ola Ivarson overlet garden til versonen *Sjugurd Erikson* f ca. 1666 d 1721 g 1698 m *Beret Olsdotter*. Dei er i 1697 nemnde på Tronhus, i 1700 i Eid, i 1701—13 på Øyhus og 1713—15 åtte Sjugurd øvre Bagn bruk III. Frå før hadde Sjugurd sonen Anders f ca. 1692 gm Jøren Tåmåsdotter Roo, sjå nedre Roo 15/2. Sjugurd Erikson var bror til Knut Erikson Nedrebøen, sjå Bøle bruk I.

Sjugurd fekk i 1719 bygselsetel på den halve huda i garden som høyrde til Oslo hospital. Ved skiftet etter Sjugurd i 1721 var bruttoeiga 267 rd. og nettoeiga 84 rd. Barn:

1. Siri f 1697 gm Arne Knutson Langøydgarden, sjå øvre Bagn bruk III.
2. Ola f 1700.
3. *Ivar* f 1701, neste brukar.
4. Ingebjørg f 1703.
5. Ola f 1706 d 1706.
6. Erik f 1706, tvilling med Ola, d 1706.

7. Ingrid f 1707 gm Ola Andersson Bjørnøydgarden.
8. Kari f 1713 d 1718.
9. Marit f 1715.
10. Gudbjørg f 1717.

Til tinget i februar 1719 hadde Ola Ivarson stemna Sjugurd for ikkje å ville halde livaursvilkåra. I mars vart dei forlikte om at Sjugurd til våren skulle gje Ola halvdelen av garden, både halvdelen av odelsgodset på 7 1/2 skinn, halvdelen i bygselgodset på 6 skinn og halvdelen i dei to skinna som admiralitetsråd Treschow åtte. Denne delen skulle versonen Lars Bagnsmoen bruke mot å syte for verfaren med klede og føde til han døydde. Deretter skulle Sjugurd overta heile garden, og dei andre barna vera nøgde med lotten i odelsgodset dei hadde fått ved skiftet etter mora i 1713. Sjugurd skulle då svara for påkostnader til Lars Moen, og elles betala resten av livaursytinga til Ola Ivarson.

Ivar Sjugurdson gm *Beret Aslaksdotter Brattrud* var brukarar til 1743. I 1745 kjøpte Ivar Erstad, sjå der. I 1728 bygsla Ivar den halve huda til Oslo hospital som mora då hadde overlate han. I 1733 kjøpte Ivar arvepartar i nedre Bagn av skyld 7 1/2 skinn for 45 rd. Saman med Gudbrand Tøsteinson kjøpte Ivar på auksjon hele parten hospitalet åtte i nedre Bagn, 1 hud, og fekk skøyte i 1737 for 160 rd.

I 1734 gav Ivar Sjugurdson og Tøstein Olson på nedre Bagn bruk II tomt til den nye kyrkja, kyrkjegard og hestevang på Bagnsmoe.

I 1743 selde Ivar Sjugurdson garden på 1 hud og 5 skinn for 700 rd. til *Hans Kristaferson Vasslia* eller *Skjerstein* f ca. 1701 d 1758 g 1. m *Åse Reiarsdotter* f ca. 1701 d 1754. Dei var på Skjerstein i 1742. Barn som me kjenner:

1. Kristafer gm Marit Ellendsdotter, sjå nedre Jukam 36/5.
2. Reiar f ca. 1731 gm Anna Eriksdotter søre Lie, sjå nedre Bagn bruk Ib.
3. Hans f ca. 1740 d 1765.
4. Ottar f 1742 d 1742.
5. Marit f 1743 d 1749.

Hans Kristaferson g 2. 1755 m *Sofia Andersdotter Morland* f ca. 1734 d 1763. Barn:

1. Helga Maria f 1755 d på Jukam 1791 gm Tøstein Olson Midthus.
2. Andreas f 1756 g 1. m Barbro Olsdotter, g 2. m Kjersti Knutsdotter, sjå båe gonger midtre Jukam 36/4, g 3. m Tøren Knutsdotter Bagn, sjå Dalen under midtre Jukam.

Sofia Andersdotter g 2. 1759 m *Anders Arneson Langedrag,* sjå nedre Bagn bruk Ia.

I 1744 stemna Hans Kristaferson Ivar Sjugurdson fordi Ivar ikkje ville skrive under skøytet til Hans.

I juli 1744 var det synfaring og takst etter krav frå Hans i tilfelle Ivar ville løyse inn garden. 1. Daglegstugu var temmeleg forfallen. 2. Eldhuset var brukbart med unnatak av taket og pipa. 3. Den austre stallen var heilt forroten og berre tenleg til ved. 4. Den vestre stallen hadde skadar på taket og var noko forfallen utvendig. 5. Stabburet hadde to rom. 6. Kornlåven med to kornbrøt og to halmhus var gjennomroten og måtte rivast. 7. Det største fjøset var ein del forfalle. 8. Småkrøterfjøset hadde skadar på vegger og tak. 9. Ei gamal bu med loft var heilt roten. 10. Det søre, lille kvernhuset var i dårleg tilstand. 11. Det nørdre kvernhuset hadde Hans sjølv sett opp same år og kjøpt tømmer av Gullik Bagn. 12. Badstugu var forfallen. 13.

Fire høylyur var i dårleg stand. 14. På seterhuset på heimsetra var taket forfalle. 15. På setra Brubakkin var seterhuset forfalle. 16. Ei lyu same stad. 17. Seterhuset på haustsetra ved Olavskjelda og lyu same stad var båe svært forfalne. 18. Seterhuset og lyu på Gråndalsstøle var for det meste rotne. 19. På sumarsetra var seterhus, fjøs og lyu. Taksten i alt på husa var 62 rd.

Son til Ivar Sjugurdson, *Sjugurd Ivarson Erstad,* som hadde odelsrett, utsa Hans Kristaferson og kjøpte garden av han i februar 1755 for 1050 rd. Seinare same år fekk Hans kjøpe garden attende mot løysingspengane samt 450 rd. for odelsretten, i alt 1500 rd.

I 1758 selde Sofia Andersdotter, enkje etter Hans Kristaferson, halve garden eller 8 1/2 skinn for 600 rd. til stesonen Reiar Hansson. Hans hadde gjort avtale om deling før han døydde. Bruket til Reiar vart bruk Ib medan Sofia heldt att bruk Ia.

Nedre Bagn bruk Ia

Sofia Andersdotter Morland f ca. 1734 d 1763 g 2. 1759 m *Anders Arneson Langedrag* f 1736 d 1795 på nørdre Roo. Barn:

Ingrid f 1763 gm Tølleiv Sjugurdson Anmarkrud.

Anders Arneson Bagn g 2. 1765 m *Anne Gudbrandsdotter Haugsrud* f 1747 d 1815. I 1787 kjøpte Anders nørdre Roo bruk II og flytta med familien dit. Barn:

1. Sofia f 1766 d 1770.
2. Arne f 1768 gm Sesel Olsdotter Åbjør, sjå nørdre Roo bruk II.
3. Sofia f 1771 d 1772.
4. Gudbrand f 1772 gm Gro Arnesdotter Bøen, sjå Sørumseige.
5. Ingebjørg f 1775 gm Arne Arneson Bøen, sjå Svartlie 13/lnr. 396c.
6. Sofia f 1778 gm Ola Hansson Tronrud, sjå Hesthagin.
7. Kristafer f 1782.
8. Anne f 1784 d 1784.
9. Anne f 1785 gm Per Nilsson Moatn.
10. Ola f 1788 d 1789.
11. Anders f 1790 gm Gjartrud Ellingsdotter Framgarden, sjå nørdre Roo 8/6.

I 1765 selde Anders Arneson saman med Reiar Hansson på bruk Ia garden til odelsmannen *Sjugurd Ivarson Erstad* for 1607 rd. Sjugurd Erstad sette garden i pant til seljarane, som framleis vart brukarar.

I 1783 selde Sjugurd Ivarson, no på Iljanstad i Hedalen, til Ola Knutson Storøydgarden og Hermann Sjugurdson Bøen for 2054 rd. Av summen skulle kjøparane betala 1914 rd. til panthavarane Reiar Hansson og Anders Arneson. Hermann Bøen vart eigar av bruk Ia og Ola Knutson av bruk Ib. I 1792 selde sønene til Sjugurd Ivarson — Guttorm Sjugurdson med sonen Sjugurd, og Hallvor Sjugurdson Iljanstad — odels- og innløysingsretten til garden for 499 rd.

Hermann Sjugurdson Bøen overlet bruk Ia til sonen *Arne Hermannson* gm *Marit Eriksdotter Bjørgo,* som fekk skøyte i 1790 for 1194 rd. Med i salet var Brattrudsetre, som var kjøpt særskild av den førre brukaren Anders Arneson Roo.

I 1808 vart nedre Bagn bruk Ia og b kjøpt til prestegard. Arne Hermann-

son kjøpte same år nørdre Dølve, sjå der.

Nedre Bagn bruk Ib

Reiar Hansson Bagn f ca. 1731 d 1778 g 1757 m *Anne Eriksdotter søre Lie,* Bjørgo, sjå søre Lie om det fyrste ekteskapet hennar, f 1733. Barn:

1. Hans f 1758.
2. *Mikjel* f 1759, brukar seinare.
3. Åse f 1764 g 1. m Ola Gudbrandson Espeset, g 2. m Anders Haraldson Haugsrud.
4. Hans f 1772.

I 1765 selde Reiar Hansson til *Sjugurd Ivarson Erstad*, sjå nedre Bagn bruk Ia, men kom framleis til å bruke garden som pantegods.

I 1783 selde Sjugurd Ivarson, no på Iljanstad, til *Ola Knutson Storøydgarden.*

Ola Knutson selde i 1785 for 1027 rd. til son til Reiar, *Mikjel Reiarson* gm *Anne Hallsteinsdotter,* sjå Dølve bruk I. Mikjel hadde i 1780 betalt 600 rd. til dei andre arvingane etter faren for å kunne løyse inn garden.

I 1808 vart nedre Bagn bruk Ib seld til prestegard saman med bruk Ia, og i 1810 kjøpte Mikjel tre partar i Dølve.

Maren Marie Barth, fødd Høyer, kona til prost Thomas Barth, i prestegardshagen på Øystre Bagn. Thomas Fredrik Barth, f i Kristiania 1856 d 1932, kom som kapellan til Sør-Aurdal i 1884. Barth var heile si prestetid, 38 1/2 år, i Sør-Aurdal. I 1892 vart han sokneprest, og var prost i Valdres prosti 1912—22.

Sør-Aurdal prestegard, gnr. 38

I oktober 1809 var synfaring på husa på eigedomane som var innkjøpte til prestegard:

Husa var: 1. Ein bygning med stugu og to kammers i fyrste høgda og eitt kammers og to loft i andre. Bygningen var svært gamal, og vart ikkje betre av å rivast ned for å setjast opp på nytt. Sokneprest Stabel opplyste at han hadde måtta gjera ein del naudsynlege forbetringar på huset for å få husvære til seg og familien. 2. Ein annan bygning med stugu og kammers og to loft oppe. 3. Ei bu med kammers over og ein skåle og loft under same tak. 4. Ein stall med småkrøterhus. 5. Eit forfalle fjøs vart taksert som ved. 6. Ein treskjelåve med to brøt og låvebru. 7. Eit gamalt stabbur i to

høgder. 8. Ein gamal og nesten nedroten låve med to brøt. 9. Ein gamal og svært forfallen stall med småkrøterhus. 10. Eit svært gamalt eldhus. 11. Eit anna gamalt eldhus. 12. Ei gamal smiu. 13. Ein gamal vedskåle utan tak, taksert som ved. 14. Ei lyu, kalla *Flatlyu*. 15. Ei anna høylyu nede i jordet. 16. Ei lita og gamal lyu på Øydgarde. 17. Eit gamalt og forfalle kvernhus utan innreiing, seinare innretta til stampehus, vart taksert som ved. 18. På den delen av prestegarden som før hadde høyrt til Arne Hermannson, hadde vore eit brukbart fjøs som sokneprest Stabel bytte bort til Mikjel Mikjelson Bagnsøydgarden. Mikjel hadde i staden levert 6 tylfter furutømmer til eit nytt fjøs i prestegarden, men mykje meir hadde gått med.

Hovudbygningen i taksten frå 1809 er rimelegvis den såkalla «Stabelbygningen», som var forpaktarbygning før han vart flytta til Bagn Bygdesamling. Ny forpaktarbygning vart bygd i 1969 i samband med flyttinga av «Stabelbygningen». Noverande hovudbygning er frå 1810. Frå tida til Stabel er også stabburet med to rom i kvar høgd. Driftsbygningen er frå 1959 og eit reiskapshus vart oppsett samstundes på den gamle fjøstomta.

På grunn som er matrikulert under Sør-Aurdal prestegard gnr. 38, er det utlagt to bustadområde: Skulejordet og Prestegardshagin. Skulejordet nord for kyrkja var før lærarjord for læraren på Øystre Bagn, og Prestegardshagin var hamnehage til prestegarden. Før bustadfelta kom, hadde prestegarden 69 da. dyrka jord. Skogen er 3500 da. I 1981 var buskapen sju kyr.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 55 mål god åker og dyrka eng, 77 mål godt slåtteland, frå utmark og setrar kom 37 skippund høy, 15 tylfter gran- og furutømmer kunne seljast og dei lauva 1000 kjerv. I 1865 hadde dei 3 hestar, 11 naut, 10 sauer, 4 grisar, og sådde 8 settingar rug, 1 tønne 11 settingar bygg, 4 tønner blandkorn, 1 tønne havre, 12 settingar erter og 8 tønner poteter.

Prestegarden har hatt mange forpaktarar, men frå 1921 har garden vore brukt av same familie.

Thorvald Torstenson Storbråten, søre Langbråtån under Sørum, f 1888 d 1959 var forpaktar i om lag 40 år frå 1921 til 1959, g 1911 m *Berit Olafsdotter Odden,* Bagnsbergatn 37/1, f 1886 d 1978. Barn:

1. Gunhild Marie f 1912 g 1. m Osvald Olsen, sjå Skarpsno 22/40, g 2. m Lars Larsson Plassen, sjå Plassen 38/8.

Berit f Odden 1886 og Thorvald Storbråten f 1888 var forpaktarar på Sør-Aurdal prestegard frå 1921 til 1959. Fotografiet er frå 1955.

2. Borghild f 1913 gm Trygve Engedal, Oslo.
3. Trygve f 1915 gm Gunvor Kirkebakken.
4. Olaf f 1917 gm Klara Slette, sjå nørdre Brenninge 14/16.
5. Harald f 1919 gm Nora Bergsrud, Hedalen.
6. Sigrid f 1921 gm Håkon Bakken, sjå Leistrudbakkin 22/10.
7. Astrid f 1924 gm Knut Sigismund, Oslo.
8. Torbjørg f 1927 gm Mads Skeie, Vang.
9. *Kjell* f 1930, neste forpaktar.

Kjell Storbråten f 1930, forpaktar frå 1959, gm *Marit Rud,* Aurdal, f 1939. Barn:

1. Toril f 1955 gm Ola Kolsgård.
2. Gudmund f 1957 gm Gjertrud Lien, Nord-Aurdal.
3. Thorvald f 1961.

Skulejordet bustadfelt

Bustadhus 1962/63. *Olav Kvarme,* Voss, f 1943, skulesjef frå 1987, gm *Astrid Skjærli,* Eikefjord, f 1944, fyrstesekretær. Barn:

1. Bjart f 1963.
2. Jarle f 1965.

Bustadhus 1962/63. *Rolf Skyvulstad,* Sarpsborg, f 1931 d 1979, var musikkinstruktør i Sør-Aurdal, gm *Rigmor Hansen,* Sarpsborg, f 1933. Rigmor Skyvulstad flytta til Sarpsborg etter at mannen døydde, og huset var ei tid bortleigt. Barn:

1. *Leif Heine* f 1956, sjå nedafor.
2. Vidar Trygve f 1959 gm Kari Jensine Ruud, Trøgstad.
3. Unni Guro f 1963.

Eigarar frå 1986 er *Leif Heine Skyvulstad* f 1956, sjåfør, gm *Elin Rusten,* Skjåk, f 1961. Barn:

1. Lina Marie f 1985.
2. Rolf-Erik f 1986.

Solstad

Bustadhus 1972. *Odd Muldbakken,* Reinli, f 1949, bruarbeidar, gm *Solveig Haugen,* Bagn, f 1952, friserdame. Barn:

1. Geir Roger f 1971.
2. Dag Håvard f 1972.
3. Bård Henning f 1974.

Ulestad

Bustadhus 1966. *Dagny Haugen,* f Bøhle 1930, hjelpepleiar. Barn:

1. Solveig f 1952 gm Odd Muldbakken.
2. Reidun f 1954 gm Terje Arnesen, Hønefoss.

Bustadhus 1967/68. *Reidar Bråthen,* Bagn, f 1925, kontorsjef i Kreditkassen, Bagn, gm *Frida Haslene,* Fjelltun 22/81, f 1934, ekspeditrise. Barn:

1. Sissel f 1958 gm Kjell Harald Stavedal. Barn: Nicoline f 1985. Sissel har frisersalong i Bagn.
2. Heidi f 1962.

Granvang

Ingolf Gran, Begnadalen, f 1932, sjåfør, gm *Astrid Landmark,* Bagn, f 1934. Barn:

1. Erik f 1959.
2. Kari f 1961.

Prestegardshagin bustadfelt

I Prestegardshaga aust og opp for prestegarden vart det frå 1972 til -79 utlagt 11 tomter. Dei fleste er bygsla frå prestegarden, men nokre er kjøpte frå Sørbøen. Oversynet over husa tek til nedst.

Bustadhus og forretning 1972. *Kjell Olav Røang,* nedre Roo 15/2, f 1935, snikkar, m *Alma Reidun Ingemoen,* nedre Roo 15/1, f 1938, eig og driv daglegvarehandel. Barn:

1. Ole Arnstein f 1958.
2. Venche f 1959.
3. Anne Kristin f 1966.

Bustadhus 1972. *Jon Amrud,* Fåvang, distriktsveterinær, gm *Solveig Kristiansen,* Eidsberg, f 1939, provisor.

Tronvang

Bygt 1974/75 og har vore utleigt til fleire. Eigar til 1986 var *Tor Tronrud,* deretter overtek *Aksel Tronrud.*

Bustadhus 1972/73. *Arvid Brustad* f 1931, kjøpmann, gm *Marit Aarø* f 1937. Barn:

1. Bente f 1959.
2. Alf Sverre f 1961.
3. Magnhild f 1968.

Bustadhus 1974. *Thor Morten Røhr,* Ringsaker, f 1946, lærar, gm *Unni Strøm,* Oslo, f 1946, lærar. Barn:

1. Anne Ingvild f 1971.
2. Liv Torgunn f 1974.

Bustadhus 1974. *Helge Worren,* Oslo, f 1947, kommunelege, gm *Brit Hove,* Mo i Rana, lærar. Barn:

1. Sigrid f 1975.
2. Kristin f 1977.

Bustadhus 1974. *Martin Hansebakken* f 1940, skogsarbeidar, gm *Torill Granli* f 1954. Barn:

1. Rita f 1981.
2. Aina f 1983.

Bustadhus 1976. *Kristoffer Juvkam Ørjavik*, f 1911, prost, gm *Ruth Rindar,* Holla, f 1912, tekstilkunstnar. Barn:

Kari f 1951 gm Gunnar Rundgren, Uppsala.

Solheim

Bustadhus 1972/73. *Harald Dyve,* Reinli, f 1948, murar og snikkar, driv musikk- og rammeforretning, gm *Lillian Ölund Juvkam,* Bagn, f 1947, kontorfullmektig. Barn:

1. Ørnulf f 1969.
2. Ingvild f 1974.

Tidlegare eigarar var *Anders Sørflaten* f 1943 gm *Inger Martha Nygård,* Etnedal, f 1947. Dei flytta til Etnedal.

Solhall

Bustadhus 1974. *Tidemann Kolsrud* f 1937, skogteknikar, gm *Dagny Kamben* f 1938, ekspeditrise.

Uleheim

Bustadhus 1974. *Hans Martin Hole Sørum* f 1937, lastebileigar, gm *Ingeborg «Vesla» Sørflaten* f 1940. Barn:

1. Inger Mari f 1964.
2. Hans Erik f 1965.

Milevatnet bnr. 4

Lengst vest på Leirskoge ligg Milevatnet, som kan hende har fått namn frå kølbrenning: køl-*mile.* Bruket ligg noko brattlendt på steinut jord i bakkken nord for vatnet, 690 m o.h.

I 1751 fekk Mikjel Embrekson og kona hans, husmannsfolk til Hans Kristaferson Bagn på nedre Bagn bruk I, kontrakt av Hans på Milevatnet. *Mikjel Embrekson Bagn* kan vera den Mikjel som i 1714 fekk sonen Embrek på Bagn. Mikjel gifta seg i 1723 med *Gjartrud Olsdotter.* Barn:

Kari f 1724, neste husmannskone.

I 1792 fekk Anders Jensson Bagnslie feste på plassen av Arne Hermannson og Mikjel Reiarson.

Leiga var 3 rd. 2 ort årleg. Anders skulle også ha setra Mørkedalen med nøytslefang og lauvskog for 8 skilling i leige.

Anders Jensson Braka f 1734 d 1819 g 1. 1759 m *Kari Mikjelsdotter* f 1724 d 1789. Ved skiftet etter Kari i 1789 var bruttoeiga 27 rd. og nettoeiga 4 rd. Barn:

1. Beret f 1760 g 1. m Arne Olson Bagnseige, sjå søre Leitet 49/3, g 2. m Ola Knutson Lundatn, sjå Føss av Koparviken.
2. Gjartrud f 1766 gm Bjørn Mikjelson Haugsrudeige

Anders Jensson g 2. 1789 m *Guri Olsdotter Bagn,* Bagnsøydgarden, f 1761 d 1842. Barn:

1. *Jens* f 1790, neste husmann.
2. *Kari* f 1797, husmannskone seinare.

I 1811 fekk *Jens Andersson* og kona *Jøren Larsdotter Steinsetre,* sjå Rundbrøtin under Steinsetren, husmannskontrakt av prost Stabel mot 12 rd. i leige. Dei flytta etter kort tid, for i 1814 sette verbroren til Jens, Hallvor Sjugurdson, opp ein livaurskontrakt med Anders Jensson og Guri Olsdotter. Då hadde Anders overlate bruken av Milevatnet til Hallvor. Hallvor og

Milevatnet på Leirskoge, opphaveleg husmannsplass til prestegarden, i 1962. Namnet har mogleg samanheng med kølbrenning — kølmile.

kona Kari fekk husmannskontrakt av prost Stabel i 1817.

Livauret til Anders og Guri, som var temmeleg omfattande til ein plass å vera og verdsett til 80 rbd. årleg, omfatta 2 tønner stritt bygg, røkt og stell av 2 kyr og 4 småkrøter, 1 par sko og 5 alen strie til kvar, 1 skjeppe salt, 1 rull engelsk tobakk til kvar og bruk av 1/2 mål åker og ein liten kålhage. For ei sømeleg gravferd skulle brukaren, når den lengstlevande var død, ha livaursdyra, 1 gryte, 1 liten slipestein, 1 matskåp, 1 bakstegang, 1 plog, 1 harv, 1 arbeidssele og alle gangkleda deira.

Etter kontrakten i 1817 skulle Hallvor og Kari kvart år levere 2 1/2 bismarpund godt sumarsmør til presten innan 30. september. Mellom plog- og slåttonnene skulle dei også, på eigen kost, hogge 40 sledelass ved i skogen til prestegarden etter utvising.

Hallvor Sjugurdson Lundoeige f ca. 1781 d 1874 g 1814 m *Kari Andersdotter* f 1797 d 1879. Barn:

1. Guri f 1816 gm Mattis Hansson søre Leitet.
2. *Sjugurd* f 1818, neste husmann.
3. Marit f 1822 gm Jonas Nilsson Vollgjerdet.
4. Marit f 1825 d 1899 i Skarabrøta. Marit, kalla «Hurra-Marit», gjekk ikring og bad til livsopphald på Leirskoge. «Det er hurra-ver i dag,» sa Marit når ho kom inn til folk. Det har vore sagt at mor til Marit var kalla «Kari ved vatnet», det skulle i så fall vera førnemnde Kari Andersdotter. I 1862 fekk Marit sonen Ole — «Ola Skogstad» — med Arne Olson Bjødnaskaret. Ole gifta

Fire generasjonar i Milevatne. Fremst frå venstre: Ivar Eivindson f 1825 og kona Guri Olsdotter f 1828, Magne Kolsrud, Gunhild Kolsrud, dotter til Guri og Ivar, Gunhild Kolsrud f Putten med dottera Gunhild, gift med Harald Bråten. Bak: Johan og Tideman Kolsrud.

seg med Siri Helgesdotter Joplassen, sjå Solhaug 40/11.

5. Anders f 1829 g 1854 m Olea Olsdotter Finnhert. Dei fekk barna Karine f 1854 og Ole f 1858 på Milevatne.
6. Ola f 1834 gm Marit Larsdotter Klauvstad, sjå Hesjadalen 55/8.
7. Arne f 1837.

Sjugurd Hallvorson f 1818 g 1. 1842 m *Ragnhild Olsdotter Storøydgarden,* Vilhelmsbrøtin 40/3, f 1809 d 1845 i barselseng som innerstkone på Milevatne. Sjugurd g 2. 1846 m Marit Olsdotter Sveinsbrøtin, sjå Skarabrøtin under Skaro. Sjugurd fekk husmannskontrakt i 1846.

Mikjel Knutson gm *Ingebjørg Johannesdotter* fekk festesetel i 1847, men flytta etter kort tid, sjå Steinbrøtin under Hølersetren.

Tølleiv Olson Høvseige f 1803 — «Tølleiv ved vatnet» — g 1828 m *Guri Pålsdotter Framgarden,* Ellevsbakkatn 13/14, f 1803, er nemnde på Milevatne frå 1851. I 1828 var dei på Høvseige, i 1830 på Framgardseige, 1833—45 er dei nemnde i Kyrkjebjørgmyren og i 1848 i Kristenbrøta. I 1870 reiste familien, med unnatak av barna Ola, Guri og Pål, til Torpa. Barn:

1. Marit f 1828 d 1829.
2. Ola f 1830 g 1858 m Marit Bjørnsdotter Skaveldatn. Dei fekk barna Guri f 1859 og Tollef f 1860, og reiste til Amerika i 1861.
3. Guri f 1833 g 1862 m Tore Haldorson Diserud. Dei fekk dottera Ingrid på Milevatne i 1863.
4. Pål f 1836 g 1861 m Anne Olsdotter Rushaug, til Wisconsin 1861. Der kalla Pål seg Paul Lee.
5. Marit f 1839 d 1840.
6. Arne f 1841.
7. Maria f 1844 d 1844.
8. Maria f 1845.
9. Ola f 1848.
10. Ingebjørg f 1851.

I 1865 hadde dei 1 hest, 5 naut, 12 sauer, 8 geiter, og sådde 1 tønne bygg, 10 settingar blandkorn og 3 1/2 tønner poteter.

Ivar Eivindson Tronhuseige, Moen under Åse, f 1825 d 1915 g 1850 m

Guri Olsdotter Sørflatseige, dotter til Ola Jensson Li frå Hallingdal og Gunhild Olsdotter Turibrøtin, f 1828 d 1916, fekk husmannskontrakt i 1871. Dei er nemnde i Sveriplasse 1851, på Klubbeberge 1854 og i Trettebrøta 1856—1867. Barn:

1. Even f 1851, til Amerika 1879.
2. Mikkel f 1854 gm Marit Arnesdotter nørdre Leitet f 1849. Dei reiste til Amerika i 1883. Barn i Sør-Aurdal: Iver f 1879, Arne f 1881.
3. *Gunhild* f 1856, neste brukar.
4. Anton f 1860, til Amerika 1880.
5. Tonette f 1863, til Amerika.
6. Thora f 1867.
7. Ole f 1871, til Amerika.

I 1900 vart Milevatnet utskild som sjølveigarbruk, og seld i 1901 til *Tideman Nilsson Kolsrud,* Aurdal, f 1857 d 1919 g 1886 m *Gunhild Evensdotter* f 1856 d 1935. Dei hadde vore husmannsfolk frå sist i 1880-åra. Barn:

1. *Nils* f 1888, neste brukar.
2. Sigrid f 1891 d 1891.
3. Ingvald Sigurd f 1892 gm Hilda Johansdotter Skarshaugen, sjå Juvesetre 26/3.
4. Ingrid f 1894 gm Olav Breien, Etnedal.
5. Johan f 1896 gm Helga Olsdotter Løkken, sjå Snøvika 73/30.
6. Henrik Edvard f 1898 d 1919.
7. Magne f 1901 gm Ingrid Hovde, Etnedal, sjå Kolsrud 73/51.

I 1916 selde Tideman til sonen *Nils Kolsrud* f 1888 d 1968 g 1. 1912 m *Gunhild Olsdotter Putten* f 1885 d 1946. Nils Kolsrud var kommuneblinkar. Barn:

1. *Gunhild* f 1912, neste brukar.
2. Gunvor f 1914 gm Gudbrand Lybekk, sjå Lynes 65/12.
3. Torbjørg f 1917 d 1972 gm Kristoffer Lilleli, Skjørna i Trøndelag, busette i Begnadalen.
4. Olaug f 1919 gm Reidar Eken, Biri, busette på Grua.
5. Hildeborg f 1925 d 1928.

Nils Kolsrud g 2. m *Ellen Pauline Berg,* Børsa i Sør-Trøndelag, f 1903. Dei bygde Granbu 42/10 i 1954.

Versonen *Harald Trondson Bråten,* Bråtån 67/9, f 1907 kom til Milevatnet i 1937, overtok garden i 1946 og setra Mørkedalen i 1951, g 1934 m *Gunhild Nilsdotter Kolsrud* f 1912. Barn:

1. *Nils* f 1936, neste eigar.
2. Anne Grethe f 1945 gm Arne Grøv, søre Grøv 85/2, busette i Bagn.

Nils Kolsrud Bråten f 1936, eigar frå 1976, gm *Andrea Eilertsen,* Hvaler, f 1935. Dei bygde i 1982 ny bustad på Milevatne. Barn:

1. Bente f 1967.
2. Hanne f 1969.

Milevatnet har 47 da. innmark og 617 da. skog. Heime er 25 da. dyrka jord. Nils Kolsrud kjøpte 160 da. i Mørkedale, tidlegare nøytsleskog, frå prestegarden. På setra Mørkedalen med 8—10 da. voll tok setringa slutt i 1952. Dei hadde gjerne om lag ti kyr på setra, av dei nokre leigekyr. Gunhild og Harald hadde krøter til midten av 1970-åra, til vanleg tre kyr og ei kvige. Traktor og slåmaskin kom i 1966. Nils Kolsrud treska kornet med tust, men kjøpte seinare handtreskje-

maskin som to mann drog. Nils K. Bråten driv med høns.

Tølleiv Olson tømra den nedre delen av bygningen i 1855. Han tømra òg låven, som vart riven i 1962. Låven stod på nordsida av vegen saman med eit stabbur. Stabburet vart flytta til sørsida, men låven vart riven då vegen vart utbetra. Ivar Eivindson flytta hit ei lita stugu då han overlet plassen til Tideman Kolsrud. Tideman bygde på andre høgda av bygningen i 1901. Uthuset er frå 1962.

Den tida gamlevegen gjekk gjennom tunet, var Milevatnet kvilestad for folk som kom frå Bagn og skulle til Leirskogen. Her tok dei inn og drakk kaffi.

I aprildagane 1940 rømde folka på bruket til Mørkedalssetre, og var der ei veke. Ein norsk skitropp låg også på setra.

Biribakkin bnr. 5

Biribakkin ligg nokså bratt til ned mot Begna, i eit lite dalsøkk med ein bekk i botnen. Tunet er ca. 280 m o.h. Grannebruka på same side av elva er Lindelie i sør og Plassen i nord, medan Nyvegen høgre oppe i lia er fråflytta. Opphavleg skal staden ha vore slette til prestegarden. Ei lyu som prestegarden åtte nede ved elva, *Prestlyu,* fylgde Biribakkin ved ryddinga.

Namnet skal etter tradisjonen koma av at «Biringen» — *Nils Jonson* frå Biri — var den fyrste her, sjå Biribrenne under Storstøllien. I 1822 er plassen kalla Sparkevik. Johannes Johannesson og Marit Ivarsdotter fekk då festesetel på plassen Sparkevik mot 4 spd. i leige. Kvart år skulle dei også på eigen kost hogge 40 lass vinterved.

Johannes Johannesson Bagn, Trappopp under austre Piltingsrud, f 1788 d 1881 g 1. 1813 m *Ingebjørg Jonsdotter Bagn,* Haugsrudeige, f 1789 d 1821. Dei er nemnde på Bagnseige 1815 og i 1818 på Prestegardseige. Barn:

1. Johannes f 1815.
2. Anne Sofie f 1818 gm Ivar Hallvorson nørdre Hesthagin.

Johannes Johannesson g 2. 1822 m *Marit Ivarsdotter Prestegardseige,* Plassen 38/8, f 1793 d 1879. Barn:

1. Ingebjørg f 1823 gm Mikjel Knutson Austegardsbakkatn, sjå Steinbrøtin 53/6.
2. Johanne f 1825.
3. Tøren f 1827 gm Ola Jonson Lindelie.
4. Ingrid f 1831 gm Ola Olson Torsrud, sjå Skarshaugen 24/5.
5. *Ivar* f 1835, neste husmann.
6. Marit f 1839 d 1840.
7. Marit f 1842 gm Hans Mattisson søre Leitet. Marit fekk i 1861 dottera Marit med Ola Hallvorson Bagnsbakkatn.

Ivar Johannesson f 1835 d 1888 g 1859 m *Ingrid Olsdotter Finnhert* f 1833 d 1892. Barn:

1. Johan f 1860, til Amerika. Johan fekk i 1893 dottera Elise, f på Dølvesetren, med Ragnhild Olsdotter.
2. Maria f 1862 gm Arne Erikson Ølmhusplassen, sjå Oppheim 53/33.
3. *Ole* f 1864, neste brukar.
4. Ingrid f 1866 gm Anton Erikson Ølmhusplassen, sjå Eivindsplassen under Ølmhus.

Biribakkin ligg nokså bratt til i bakken ned mot Begna.

5. Anne Maria f 1868.
6. Ivar f 1870, budde på søre Vøll.
7. Martin f 1873, til Amerika.

I 1865 hadde dei 5 naut, 12 sauer, 5 geiter, og sådde 3 settingar rug, 1/2 tønne bygg, 1 tønne 4 settingar blandkorn, 7 settingar havre, 3 settingar erter og 4 tønner poteter.

Ole Iverson f 1864 d 1929 g 1885 m *Guri Olsdotter Haugerud* f 1862 d 1930. Ole Biribakken kjøpte Biribakkin i 1911 etter at plassen var frådelt prestegarden i 1910. Barn:

1. Ingrid f 1885 d 1888.
2. Berit f 1887 d 1900.
3. Ivar f 1888 gm Gunhild Jørgensdotter Flatbråten, sjå Nyberg 39/38.
4. Olaf f 1890 gm Constanze Halsteinsdotter Bakos, Os i Østerdalen, sjå Nyvegen 38/9. I 1917 fekk Olaf dotter Gina gm Håkon Nybråten, sjå Nybrøtin 44/16, med Guri Martinsdotter Lindelien.
5. *Johan* f 1892, neste brukar.
6. Ingvald f 1894 gm Olaug Nybråten, Leirskogen, busette på Øystre Bagn.
7. Ingrid f 1898 gm Torbjørn Bøen, Hagajordet 11/5, f 1903 d 1973, budde i Biribakka. Ingrid flytta til Elvelund 37/37 og 45 då Torbjørn døydde.
8. Gunnar f 1902, til Madison i Wisconsin.
9. Martin f 1906, til Madison. Gm Agnes Dokken, opphavleg frå Nord-Aurdal. Martin fekk i 1931 utskild eit areal på 6—8 da., Sol-

Ole Iverson Biribakken f 1864 og kona Guri Olsdotter f Haugerud 1862.

heim bnr. 10, for å byggje her. I 1979 var Ingrid Bøen eigar av Solheim.

Ole Biribakken selde i 1930 til sonen *Johan Olson* f 1892 d 1970 gm *Hilda Odden*, Sparkevikøddin 34/9, f 1890 d 1970.

Eigar etter Johan Biribakken var nevøen *Johan Oddgeir Biribakken* f 1915, Nyberg 39/38, sjå Steinkjær i Bagn, son til Ivar Olson Biribakken f 1888. Han har ikkje budd i Biribakka. I 1985 overtok son til Oddgeir, *Arne Bjørn Biribakken* f 1955, Biribakkin og Høvssetre 39/2. Arne Bjørn bur på Nyberg.

Biribakkin hadde før ca. 55 da. inngjerda innmark, av dei er ca. 6 da. framleis i bruk, og ca. 50 da. heimskog. Namn i innmarka er frå nord mot sør: *Døkke, Prestlyu, Kvednahushalle, Biribakkbekken* og *Brøtadøkke.*

Dei eldste husa var låve, småkrøterfjøs, fjøs, tømra stugu i ei høgd, stabbur, smiu, og kvern i *Kvednahushallen.* Med unnatak av låven og stugu stod dei andre husa på det eldste tunet litt høgre enn husa i dag. I 1910 vart bygt nytt våningshus i halvanna høgd og i 1938 nytt uthus. Stabburet skal ha vore flytta til butikken på Bagnsmoe, der det framleis står. Eit nytt stabbur vart rive i 1937—38. I 1940 tende tyskarane på dei to husa som då stod, våningshuset og uthuset, som vart bygde opp att i 1941.

I 1899 kjøpte Ole Biribakken Høvssetre 39/2 på Bagn Vestås, utskild frå Sørbøen i 1867, av Anne Bang på Tamburgarde. Setra omfattar i alt 400 da. 30 da. er inngjerda. Det var seterdrift til 1965. Husa er fjøs, låve og bu. Den siste er restaurert og blir brukt som hytte. Den vanlege setervegen var om Bagn. Skulle ein gå, rodde ein Begna ved Biribakkin og fylgde sti opp Sparkevikdalen.

Vanleg buskap før var fire—fem kyr, nokre sauer og geiter samt hest. Slåmaskin kom i 1930-åra. Fisket i Begna kunne vera ei god attåtnæring.

Særleg haust og vår drog ein not, på eitt varp var fangsten 24 bismarpund. Isfiske, særlig «flokefiske», var vanleg. Isflak inntil land vart sprengde laus og nota trekt under flaket, for her stod mykje aure. Sidan søkte ein å halde isflaket lengst mogleg langs land ved å binde det fast med tau, festa i isen med krokar gjennom uthogne hol.

Nyvegen var bureisingsbruk, rydda og bygt av Olaf Biribakken. På biletet står kona til Olaf, Constanze Bakos frå Os i Østerdalen, til venstre, deretter Ingrid Bøen f Biribakken, og Haldis Biribakken, dotter til Constanze og Olaf.

Hest og krøter strauk med då tyskarane tende på husa i 1940. Folka på garden oppheldt seg i Nyvege under framrykkinga til tyskarane.

Nyvegen bnr. 9

Nyvegen opp for Biribakka vart utskild derifrå i 1926, og seld i 1927 til Olaf Biribakken. Tidlegare hadde her vore slåtteland for Biribakkin.

Olaf Biribakken f 1890 g 1920 m *Constanze Bakos*, Os i Østerdalen, f 1902. Olaf var med på å strekkje telegrafline frå Hamar til Røros, og arbeidde på sliperiet 1920—36. Barn:

1. Oddleif f 1920 gm Ragnhild Ødegård, Røn, busette på Fagernes. Sonen *Knut Olav* overtok Nyvegen etter Constanze Biribakken.
2. Gullveig Helene f 1922 gm Elias Fuglsel, Molde.
3. Haldis f 1925 gm Thoralf Leite, Bagn.
4. Agnes f 1929 gm Hans Sandvin, Odda.

Nyvegen har ca. 36 da. inngjerda innmark, av det dyrka Olaf Biribakken om lag halvparten og resten var slåtteland. Husa, ei stugu i halvanna høgd og eit uthus, vart bygde i 1927. Buskapen var til vanleg tre kyr og nokre sauer og ungdyr.

Gardsvegen var 600 m dels bratt kjerreveg ned gjennom skogen til Plassen. No er det bygt ein bratt skogsbilveg sør for Nyvege så ein kan bile heilt inn på tunet. Bruket vart fråflytta i 1972 og blir tidvis brukt som feriestad. Innmarka er dels tilplanta.

Lindelie bnr. 6

Lindelie har namn etter det varmekrevjande lauvtreet lind, som veks her, og ligg lunt og sørvend under den bratte Ørmekøllin. Om våren blir det tidleg snøbert. Lindelie høyrde til Øystre Bagn skulekrins, men til Øystre Bagn var det før berre ein dårleg gangveg. Frå Lindelien rodde ein helst over til den andre sida av elva eller gjekk på isen. Barna i Lindelien fekk difor gå på Dølve skule 2 km lengre sør.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Endre Olson Bagnseige,* øvre Brattrud 23/3, i 1772 på Håvårdsrud under Brattrud, f 1736 d 1818 g 2. 1775 m *Beret Larsdotter Kyrkjebjørgo* f ca. 1734 d 1817. Endre ser ut til å ha kome til Lindelie i 1770-åra, men fekk husmannskontrakt i 1793 for levetida til seg og kona Beret. Leiga på 4 rd. skulle dels svarast i arbeid, dels i pengar.

Ved kontrakt i 1799 overlet Endre og Beret alt arbeidet sitt i Lindelien, alt lausøyre og alle krøter til dottera og versonen, men ville ha årleg livaure.

Gunhild Endresdotter, Håvårdsrud under Brattrud, f 1762 d 1858 g 1. 1799 m *Knut Olson Framgardseige,* Josefsplassen 13/17, f 1766 d 1808. Barn:

1. Endre f 1800 d 1820.
2. *Beret* f 1802, neste husmannskone.

Gunhild Endresdotter g 2. 1810 m *Ola Olson Bagn* f ca. 1770 d 1816.

Ola og Gunhild fekk festesetel på Lindelie i 1811 mot 10 rd. i årleg leige. Når Endre Olson døydde, skulle den delen av setervollen på Veståse som Ola for tida brukte, falle attende til prestegarden mot 10 rd. Ola hadde då rett til å rydde og gjerde inn ein ny setervoll som høvde til storleiken på plassen.

Jon Amundson Garthuseige, under søre Garthus, f 1796 g 1821 m *Beret Knutsdotter Lindelie* f 1802, fekk festesetel i 1821, då Ola og Gunhild hadde overdrage bruksretten til dei. Husleiga på 8 spd. skulle dels svarast ved å hogge 40 lass ved i mellomonna. I 1855 reiste Jon og Beret til Amerika med dei tre yngste barna. Barn:

1. *Ola* f 1820, neste husmann.
2. Endre f 1823, til Amerika 1849.
3. Amund f 1826, til Amerika 1849. Amund fekk i 1840 sonen Gullik i Lindelien med Beret Knutsdotter. Gullik reiste til Amerika med besteforeldra i 1855.
4. Knut f 1829, til Amerika 1850.
5. Ola f 1832 d 1833.
6. Tora f 1834.
7. Ola f 1837.
8. Gunhild f 1845.

Ola Jonson Lindelie f 1820 d 1890 g 1856 m *Tøren Johannesdotter Flugubrøtin,* Biribakkin 38/5, f 1827 d 1916, fekk festesetel i 1855. Barn:

1. Johan f 1858.
2. Ole f 1861 g 1886 m Gunhild Maria Trondsdotter Gjerdinge. Dei fekk i 1887 dottera Thonetta, og reiste til Amerika i 1888.

3. Berit f 1865 gm Ole Andreas Olson Hagen, sjå Nerstad 33/32.
4. Martin f 1865, tvilling med Berit, d 1877.

I 1865 hadde dei 3 naut, 8 sauer, 3 geiter, og sådde 1 setting rug, 6 settingar bygg, 1 tønne og 6 settingar blandkorn, 2 settingar erter og 3 tønner poteter.

Ole Halvorson Sagbråten gm *Kari Mathiasdotter Leite* er nemnde i Lindelien frå 1890. I 1908 kjøpte Ole Sagbrøtin 1/3 i Liagrenden, sjå der.

I 1910 vart Lindelie utskild frå prestegarden, og seld i 1911 til *Martin Hansson Personsæter* g 2. 1908 m *Anne Halvorsdotter Hagen,* sjå Søreng 48/44.

Martin Hansson selde Lindelie i 1920 til versonen *Nikolai Olson* f på Hedemarken 1863 d 1955 gm *Inger Kristine Martinsdotter,* Personsetre 25/2, f 1883 d 1978. Nikolai Lindelien var anleggsarbeidar. Barn:

1. Martin f 1910 d 1977 gm Karen Nilsen, Bakkelund 22/42.
2. Alf f 1911 gm Marit Arnfinnplassen, Røn.
3. Anne f 1914 gm Knut Dalen, Røn.
4. *Nils* f 1917, neste brukar.
5. Helga f 1920 gm Thorleif Granli, Røn.
6. Kristian f 1922 gm Irene Leirulfsrud, Notodden, busette i Drammen.

Nils Lindelie f 1917 overtok i 1949, gm *Marit Margrethe Bergene,* Dølvesbergatn 48/3, f 1932. Barn:

1. Inger Kristine f 1949 gm Arne Normod Skjerstein. Dei bur på ei tomt utskild frå Lindelien, og har barna Unni f 1970, Nils f 1972 og Mona f 1973.
2. Sigrunn Nora f 1952 gm Helge Hagadokken. Dei bur på ei anna tomt frå Lindelien, og har barna Sturle f 1972, Heidi f 1973 og Marit f 1977.
3. Liv f 1957.

Lindelie har 35 da. innmark og 100 da. skog. Jorda vart ikkje brukt etter at uthuset vart rive i 1967, då bilvegen langs elva kom fram til Lindelie. I jula 1956 brann våningshuset, og nytt våningshus vart bygt på same stad om lag 1962. Nytt uthus 1979.

Plassen bnr. 8

Plassen ligg brattlendt til ned mot Begna. Etter at grannebruka Biribakkin og Nyvegen vart fråflytta, er det 1 1/2 km mot nord og sør til næraste grannar. Eit gamalt namn på Plassen er *Flugubrøtin,* eit anna er *Jermusplassen* etter Jeremias Hallvorson, som budde her lenge.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Ivar Olson Bagn,* Bagnsøydgardseige, f 1768 d 1844 g 1793 m *Anne Olsdotter Bagn* f ca. 1772 d 1833. Dei er nemnde på Bagnseige frå 1793, som mogleg var Plassen. Barn:

1. Marit f 1793 gm Johannes Johannesson Prestegardseige, sjå Biribakkin 38/5. Marit fekk i 1814 ei gut, Gudbrand, d 1815 med Ola Olson.
2. Ola f 1796 d 1798.
3. *Ola* f 1799, neste husmann. I 1821 fekk Ola dottera Inger med Siri Knutsdotter Åseneige.
4. Ola f 1802 d 1810.
5. Anne f 1805 gm Anders Gudbrand-

son Kyrkjebjørgeige, sjå Rustøbakkin 1/18.
6. Hallvor f 1808 gm Siri Hallvorsdotter Torsrudeige, sjå nørdre Hesthagin 34/4.
7. Beret f 1811 gm Ola Olson Skarshaugen.
8. *Ingrid* f 1814, husmannskone etter broren.

Ola Ivarson f 1799 g 1831 m *Siri Eriksdotter Jukamseige* f 1804 d 1877 som enkje i Plasse. Ho var også enkje i 1865. Barn:

1. Ivar f 1833 gm Olaug Bårdsdotter Ølmhuseige, sjå Hesjadalen 55/8.
2. Erik f 1835 gm Marit Olsdotter London, sjå Brøtin under Gastgjevarhauge.
3. Ole f 1839.

Syster til Ola, *Ingrid Ivarsdotter* f 1814 d 1886 g 1841 m *Jeremias Hallvorson Torsrudlykkja* f 1814 d 1890 som livaursmann i Bergabrøta, er nemnde i Plasse frå 1851. I 1842 og -47 var dei i Kallskøthaga og i 1845 på Tronrud. Barn:

1. Hallvor f 1842 gm Kari Håkensdotter Rugbrøtin, sjå Leiteplassen 47/7.
2. Ivar f 1845 gm Kristine Olson Dalen, sjå Bagnsbakkatn 39/69.
3. Ellend f 1847 d 1850.
4. Ellend f 1850 d 1850.
5. Marit f 1851 gm Ole Engebretson Sveneseige, sjå Bergabrøtin 39/34.
6. Erland f 1854 gm Helene Hansdotter. Dei fekk barna Johan f 1884 og Halvor f 1886 i Plasse.
7. Ole f 1857 gm Ingeborg Olsdotter Sukke, sjå Amundsplassen 90/21.

I 1865 hadde dei 4 naut, 8 sauer, og sådde 1 1/2 setting rug, 10 settingar bygg, 10 settingar blandkorn, 1/2 setting erter og 2 tønner poteter.

Arne Johnson Smedmoen gm *Hedvig Olsdotter* fekk festesetel i 1890, og var i Plasse til 1909, sjå Høvda 30/5.

Thorvald Larsen, Nes i Ådalen, f 1877 d 1968 gm *Anne Iversdotter,* Bagnsbakkatn 39/61, f 1882 d 1968, sonedotter til den tidlegare husmannen «Jermus i Plasse», var husmannsfolk frå 1909.

Arbeidsplikta til prestegarden i denne tida var 6 dagar slått, 3 mål skur og 5 dagar vegarbeid. I tillegg kom 50 kroner i årleg avgift. Buskapen var fire—fem kyr og nokre geiter og sauer.

I 1925 vart Plassen frådelt prestegarden, og Thorvald fekk skøyte i 1926. Barn:

1. Kristine f 1905 gm Einar Myra, Begnadalen, sjå Bekkevoll 74/59.
2. *Lars* f 1907, neste brukar.
3. Borghild f 1909 gm Oskar Grønnerud, Vest-Torpa. Borghild fekk i 1935 sonen Torbjørn med Gudbrand Olson Strømmen.
4. Inger f 1913 gm Lars Nordberg, Jaren.
5. Ivar f 1915 gm Marit Brattrud.
6. Johan f 1918 gm Kjellaug Haugen, Vestre Bagn.
7. Tordis f 1921 gm Torbjørn Bergei, Etnedal.
8. Anna f 1921, tvilling med Tordis, gm Arne Bergene, Bagn, busette i Drammen.

Lars Larsen f 1907 gm *Gunhild Marie Storbråten,* Sør-Aurdal prestegard, f 1912.

Ny eigar frå 1985 er *Bjørn Trygve Olsen,* sjå Bjørnebo på Klukkarmoe. *Osvald Olsen* f 1960, son til Bjørn Trygve og Grethe Olsen, gm *Ruth Kloppbakken,* Nordre Land, f 1959, bur i Plasse. Osvald og Ruth har barna Henning f 1985 og Øyvind f 1987.

Plassen har 21 da. dyrka jord, ca. 70 mål skog og nokre da. utslått. Namn i innmarka er *nordi Halle, nedpå Flaten, Rundhaugen* og *Søre åker'n.*

Langt attende låg tunet ca. 150 m lengre sør. Tomtene vart øydelagde då nyvegen kom i 1968. I 1909 stod husa om lag der dei no er. Husa i dag er låve med fjøs frå kring 1930, våningshus frå 1943 og eit stabbur. Den gamle låven stod på om lag same stad som den nye, det gamle fjøset var i vinkel med låven, lengre vest, det gamle våningshuset stod aust for og vegg i vegg med det nye. Om lag 1920 sette Thorvald Larsen opp ei smiu ca. 40 m nordvest for våningshuset. Smiu vart riven i 1950-åra.

I 1915 overtok Thorvald Larsen halvdelen av ei Brattrudseter på Veståse som verfaren Iver i Bagnsbakko hadde kjøpt til Bagnsbakkatn. Her var drift til 1965, då Lars Larsen selde setra med jorda til broren Ivar. Setra er no brukt som feriestad.

Det var gardsdrift til midten av 1970-åra. Etter at setra var seld, hadde dei to—tre kyr og hest.

Nedre Bagn bruk II, gnr. 39

Gudbrand Olson f ca. 1618 brukte i 1664 1 1/2 hud 2 skinn. Han var gm *Inger Olsdotter* frå Ve i Flå. Barn som me kjenner:

1. *Ola* f ca. 1651, neste brukar.
2. Guri f ca. 1653 gm Ola Mikjelson øvre Bagn, sjå Hafton.
3. Knut ca. 1655 gm Guri Olsdotter, sjå nørdre Langøydgarden 41/3.
4. Kristafer f ca. 1663 d 1730 på Bagn.
5. Kari gm Erik Olson, sjå Bagnsmoen.
6. Siri gm Ivar Person Søreim.
7. Guri gm Erik Person Bagn, sjå øvre Bagn bruk B.

Ola Gudbrandson f ca. 1651 d 1712 gm *Kari Tøsteinsdotter* f ca. 1655 d 1730. I 1700 overdrog dei andre arvingane arvepartane sine i garden til Ola. Barn som me kjenner:

1. *Tøstein*, neste brukar.
2. Ola f ca. 1684 gm Guri Olsdotter nedre Jukam.
3. Gudbrand f ca. 1690 d 1694.
4. Dordi.
5. Inger f 1693 gm Erik Olson Jukam, sjå Jukamsbakkatn under nedre Jukam.
6. Beret f 1696 g 1. m Ola Larsson Austegarden, g 2. m Ola Olson Lie, sjå båe gonger Austegardseige.
7. Guri f 1699 mogleg gm Timann Olson Stavadalen, sjå søre Stavadalen bruk IIa.

Tøstein Olson g 1702 m *Beret Embreksdotter* f ca. 1675 d 1758. I 1712 fekk Tøstein, som då var postbonde, bygselsetel på dei 6 skinna Oslo hospital åtte. Same år overdrog onkelen Kristafer Gudbrandson, som var gamal, svak og barnlaus, alt han åtte til Tøstein mot at Tøstein skulle syte for livsopphald i alderdomen. I 1731 overdrog dei andre arvingane partane dei var utluta på skiftet etter Ola Gud-

brandson i 1712 til Tøstein for 56 rd. Barn:

1. Gudbrand f 1703 d 1706.
2. Ragnhild f 1705 d 1705.
3. *Gudbrand* f 1706, neste brukar.
4. Marit f 1708 gm Ellend Amundson Bagn, sjå Bagn, ukjend bustad.
5. Embrek f 1711 g 1. m Kari Knutsdotter Bøen, sjå søre Bagnsjordet 39/13, g 2. m Ingrid Eivindsdotter, sjå Bagnsmoen.
6. Ingrid f 1713 d 1718.
7. Ola f 1715 d 1718.
8. Kari f 1718 gm Nils Knutson Bagn, sjå Bagnsbergatn 37/1.

I 1720 stemna Tøstein Olson og Ola Olson nedre Jukam Alv Trondson Leistrud for å ha teke frå dei setra på Skrikkarvølle i allmenningen, som dei hadde rydda og gjerda inn.

Saman med Ivar Sjugurdson på bruk I gav Tøstein Olson tomt til den nye kyrkja, kyrkjegard og hestevang på Bagnsmoe i 1734.

Gudbrand Tøsteinson f 1706 kjøpte i 1737 den halve huda som Oslo hospital åtte i garden. Gudbrand var g 1. 1727 m *Kari Isaksdotter*. Barn:

1. Ragnhild f 1728 g 1. m Ola Olson Vøll, g 2. m Mikjel Arneson Storøydgardseige, sjå båe gonger Finnhert 39/24.
2. Ola f 1729 g 1. m Anne Arnesdotter Li, g 2. m Tora Knutsdotter Framgarden, sjå båe gonger nedre Bagn bruk IIa.
3. Isak f 1732 d 1732.
4. Rangdi f 1734 d 1755.
5. Beret f 1737 gm Ola Arneson Dølve bruk I.
6. Tøstein f 1740 d 1764.
7. Ingrid f 1744.
8. Kari f 1744, tvilling med Ingrid.
9. Isak f 1746.

Gudbrand Tøsteinson var truleg g 2. 1766 m *Kari Vilhelmsdotter,* sjå Jukamseige.

I 1738 selde Tøstein Olson 3 skinn, søre Bagnsjordet 39/13, til Embrek Tøsteinson. Resten av garden, bruk IIa, fekk då ei skyld av 1 hud 1 skinn.

Nedre Bagn bruk IIa

I 1747 selde Gudbrand og faren Tøstein garden på auksjon. *Sjugurd Hermannson Bøen* fekk tilslaget for 500 rd., og skøyte i 1748. Enkja etter Sjugurd Bøen, *Guri Aslaksdotter,* selde i 1758 for same sum til son til Gudbrand, Ola Gudbrandson.

Ola Gudbrandson Bagn f 1729 d 1797 g 1. 1753 m *Anne Arnesdotter Li,* Klauvstad, f 1727 d 1785. Ved skiftet etter Anne i 1785 var bruttoeiga 367 rd. og nettoeiga 185 rd. Ved skiftet etter Ola i 1797 var bruttoeiga 1026 rd. og nettoeiga 938 rd. Barn:

1. Arne f 1754 gm Beret Andersdotter Bagn, sjå søre Leitet 49/3.
2. Gudbrand f 1756 gm Ingrid Høljesdotter, sjå Dølvesbrøtin 48/19.
3. Isak f 1758 g 1804 m Astrid Olsdotter Kleivgard. Dei fekk i 1806 sonen Ola på Bagn. Isak kjøpte Grønnebakke i Skrautvål.
4. Hans f 1759, sersjant, gm Anne Katarina Hansdotter Kaas, dotter til seinare kaptein Kaas, som budde i Bagn ei tid, sjå Klubbeberget under Tronhus.

5. Ola f 1761.
6. Kari f 1763 gm Gudbrand Ivarson Bagnseige.
7. Kari f 1765 gm Amund Madsson, i 1801 husmannsfolk under Nordåk.
8. Ola f 1767 — «Tamburen» — gm Marit Olsdotter Bagn, sjå Tamburgarden 39/5.
9. Erik f 1770.

Ola Gudbrandson g 2. 1787 m *Tora Knutsdotter Framgarden,* Framgarden bruk VI, f 1744. Barn:

Anne f 1789, med mora til Kjørstad.

Tora Knutsdotter g 2. 1798 m *Erik Trondson Kjørstad,* på Kjørstad i 1801.

I 1769 pantsette Ola Gudbrandson halve garden eller 6 1/2 skinn til Embrek Olson Bagn i 27 år. Son til Embrek, Ola Embrekson, fekk skøyte på denne parten, Sørbøen, i 1789. Ola Gudbrandson hadde då att Tamburgarden av skyld 6 1/2 skinn.

Tamburgarden (Bagn) bnr. 5

Namnet Tamburgarden går attende til son til Ola Gudbrandson, Ola Olson. Han hadde vore tambur, og vart kalla «Tamburen». Ola kjøpte garden av faren i 1796 for 800 rd.

Ved makeskifte i 1802 bytte Ola Tamburgarden mot 8 skinn i Dølve med *Arne Olson Dølve.* Arne makeskifta same dag Tamburgarden for 599 rd. mot plassen nørdre Leitet for 100 rd. med *Arne Hermannson* og *Mikjel Reiarson* på nedre Bagn bruk I.

I 1804 kom *Arne Arneson,* son til Arne Olson, eldste bror til «Tamburen», med odelssøksmål mot Arne Hermannson og Mikjel Reiarson. Arne fekk rett til å løyse inn garden for 900 rd. Etter kort tid overlet Arne garden til farbroren Ola Olson, som ved dom hadde måtta oppgje Dølve.

I 1807 vart Ola stemna av broren, sersjant Hans Bagn, som hevda å ha betre odelsrett enn Ola fordi Hans var eldst. I 1809 vart dei forlikte om at Ola framleis skulle ha garden, men betala 400 rd. til Hans for odelsretten.

Ola Olson f 1767 d 1815 — «Tamburen» — g 1808 m *Marit Olsdotter Erstad* f 1780 d 1855, kalla «Tambur-Marit». «Tamburen» skulle vera ein kraftkar. Men han fraus og svalt i krigen mot Sverige, fekk tuberkulose og døydde tidleg. Ved skiftet etter Ola i 1816 var bruttoeiga 656 spd. og nettoeiga 571 spd. Barn:

1. Ola f 1808 d 1809.
2. *Ola* f 1810, neste brukar.
3. Ivar f 1812 d 1814.

Marit Olsdotter g 2. 1816 m *Ola Hansson Bagn,* sjå Leistrudbakkin 22/10. Ola Hansson hadde fyrst søre Leitet, som han makeskifta mot Leistrudbakkin i 1834.

På skiftet etter «Tamburen» i 1816 fekk sonen Ola Olson heimel. *Ola Olson* f 1810 var gift tre gonger. 1. g 1829 m *Ingebjørg Olsdotter øvre Sørflate* f 1806 d 1832. Ved skiftet i 1832 var bruttoeiga 520 spd. og nettoeiga 460 spd. Barn:

1. Marit f 1830.
2. Olea f 1831 d 1832.

Ola Hansson frå nedre Jukam f 1789, til høgre, var gift med Marit Olsdotter, enkje etter «Tamburen». Ola Hansson døydde hjå dotterdottera Anne f Kallskøt 1861 og mannen hennar, urmakar Ole O. Bang, på Tamburgarde. På fanget har Anne det fyrstefødte barnet, Kari f 1867.

Ola Olson g 2. 1833 m *Kari Olsdotter Ølmhus* f 1811 d 1840. Barn:

1. *Ola* f 1834, neste brukar.
2. Ola f 1835 d 1835.
3. Kari f 1836 gm Ola Olson Vøll, Etnedal, til Amerika 1866, etter tradisjonen med seks barn. Det er sagt at ho tjora barna i foten sin på båten over for å halde greie på dei.
4. Ingebjørg f 1839 gm Trond Hansson Islandsmoen.

Ved skiftet etter Kari i 1843 var bruttoeiga 585 spd. og netttoeiga 264 spd. I mars 1843 vart Tamburgarden taksert. Årleg utsæd var 4 tønner bygg og 1 tønne poteter. Avlinga var 18—24 tønner bygg og 14—16 tønner poteter. Dyra var 1 hest, 9 naut og 16 småkrøter. Det var skog til husbehov, og husa var i middels bra stand. Under omsyn til livauret til Ola Hansson og Marit Olsdatter vart taksten sett til 500 spd.

Ola Olson g 3. 1843 m *Olea Torgrimsdotter Hesjabakken* f 1819. Barn:

1. Ola f 1843, sjå nedafor.
2. Thorvald f 1846 d 1849.
3. Anders f 1849.
4. Anne Karine f 1852.
5. Tonette f 1854.
6. Gudbrand f 1857 d 1859.
7. Berthe f 1859 d 1859.
8. Thorvald f 1860 d 1861.
9. Berthe f 1863.

I 1862 selde Ola garden til sonen Ola frå 2. ekteskap, og reiste i 1868 til Amerika med kona Olea og barna frå 3. ekteskap, med unnatak av Ola f 1843, kalla «Tamburguten». Han var ei tid hattemakar, seinare målar, og ein kjend god-kar. Ola gifta seg med ei jente frå Vest-Torpa, Gunhild Sjåheim, og hadde ein liten gard der, Hamborg.

Ola Olson f 1834 d 1896 g 1866 m *Anne Olsdotter Kallskøt* f 1841 d 1905. Barn:

1. Kari f 1867 gm Erik Olson midtre Jukam.
2. Marit f 1871 d 1894.
3. *Ole* f 1874, neste brukar.
4. Olaf f 1877, til Amerika.
5. *Syver* f 1880, brukar etter broren.
6. Kristine f 1882 d ung.

I 1864 selde Ola garden til *Peder Larsson Sveen* — «Per Kræmar» på

Kræmarmoe, men tok unna ein part til seg sjølv.

På Peder Sveen sin part var det etter matrikkelførebuinga 1866 14 mål åker og dyrka eng, 14 mål slåtteland, frå utmark og setrar kom 22 skippund godt høy, og 3 tylfter gran- og furutømmer kunne seljast. Parten til Ola Olson hadde 3 mål vanleg god åker og dyrka eng og 4 mål svært godt slåtteland. I 1865 hadde Peder Sveen 1 hest, 4 naut, 1 gris, og sådde 4 settingar rug, 10 settingar bygg, 2 3/4 tønner blandkorn, 3 settingar erter og 3 tønner poteter. Ola hadde 2 naut, og sådde 1 1/2 setting rug, 8 settingar bygg, 5 settingar havre og 1 tønne poteter.

I 1867 selde Peder Sveen garden attende til Ola Olson, og dei to partane gjekk saman att.

Ola Olson hadde lært seg urmakarhandverk av to karar som reiste ikring med slikt arbeid, og dreiv som urmakar attåt bondeyrket så lenge han levde. Han trakk tenner på folk, og var mykje med i styre og stell innan kommunen. På garden arbeidde han opp mykje jord. Til ei røys på ein tidlegare «feredugurdslått» nedst på jordet vart køyrt stein i mange vintrar. Mot nabogarden Gastgjevarhaugen fekk han sett opp eit langt steingjerde, eit par meter breitt og over ein meter høgt.

Peder Sveen delte i 1867 frå haustsetra Kjeldesetre, 39/6, som han same år selde til Mikjel Olson Mikjelsøydgarden på Sørbøen.

Då Peder Sveen hadde garden, flytta han hovudbygningen ned til den staden på Kræmarmoe der det no heiter Gimle.

Tunet var dengong litt lengre nord. Då Ola hadde mista bygningen, tok han i staden i bruk eit lita livaursstugu lengre sør, og flytta etter stabburet og uthusa så det vart eit nytt tun. Etter kvart vart stugu utbetra og utvida til halvanna høgd. Dei andre husa var låve og fjøs, i eitt hus, ein stallåve i vinkel med det fyrste og eit småkrøterhus mellom dei. Stallåven var to stabbur sette inntil kvarandre, hadde tilbygd skut, svalgang over det eine stabburet og låvedør i raustet. Eit tredje stabbur, som òg står i dag, hadde svalgang på den eine langsida, to buer og loft. Det fanst òg ei lita stugu, ei smiu og ei badstugu brukt til å tørke korn og materialar i. Badstugu vart riven kring hundreårsskiftet.

Saman med Sørbøen og nørdre Jordet hadde Ola ei stor kvern, som vart riven og skoren opp til materialar til hus til kraftstasjonen i Kvednelven kring 1910.

I 1904 selde Anne til eldste son *Ole Olson* f 1874, som også var gardbrukar i 1900. Ole hadde vore i Amerika, og gifta seg der med *Susanne Mikkelsdotter.* I 1907 selde Ole til den yngre broren Syver, og reiste med familien til Amerika same år. Der vart han urmakar og gullsmed. Ole vølte noko på husa og sette opp ei ny, stor smiu. Ole og Susanne hadde fire born, av dei tre fødde i Bagn:

1. Odin f ca. 1900.
2. Alfhild Solveig f 1902.
3. Magnhild Thordis f 1904.
4. Kjellaug f 1906.

Syver Olson f 1880 d 1962 g 1. m *Christiane Sofie Christensen,* f Fougner 1877 d 1916, adoptivdotter til Chr. Christensen på Kræmarmoe. Barn:

1. Ole f 1908 d 7 månader gamal.
2. Jofrid f 1910 gm Ole Skaraseter, sjå Hafton 43/1.
3. *Ole* f 1911, neste brukar.
4. Oddvin f 1913 gm Kirsten Hval, busette i Ådalen.

Samling av setergrannar på Tamburgardstrøen på Høvssetro i 1910 i samband med at Ole O. Bang og familien hans skulle reise til Amerika. Aller bakast til venstre står lærar Ole O. Thorsrud. Foran han frå venstre: Ole O. Bang — emigranten, Erik Juvkam og Syver O. Bang. Foran til venstre: Kari Lien, Ingebjørg Lien, Magnhild Erstad — som døydde ung, Ingrid Juvkam og Ingebjørg Erstad. I midtre rekkje: Susanne (Anna) Bang — kona til Ole, Kari Juvkam, Christiane Fougner — då trulova med Syver Bang. Dei tre jentene foran inngangen er døtre til Ole og Susanne Bang. På stolen sit ein frå Hengjun som også skulle reise til Amerika. Foran: Odin Bang — son til Ole og Susanne, Oddleiv Juvkam, Ottar Juvkam, Erik Lien, Hans Lien, Johan, Ingvald og Gunnar Biribakken, Arne og Harald Erstad, og på stolen Knut Finhert. I midtre rekkje frå venstre: Ole Biribakken og kona Guri med sonen Martin på fanget, Maria Lien med dottera Magna på fanget, Ole Lien, Eli Erstad — fødd Leite, Knut, Ole og Karine Erstad, Kari Erstad — fødd Langedrag. Bakast frå venstre: Ved veggen Ottar Thorsrud, Sigurd Dahlen, Herman Leite, Elise Lien, Guri Sveriplassen, Olea og Guri Erstad. Dei to ved høgre portstolpen er ukjende.

5. Anne f 1915 gm Ola E. Thorsrud, sjå søre Torsrud 30/1.

Syver Olson g 2. 1919 m *Gjertrud Eriksdotter Ødegård,* nørdre Bagnsøydgarden 39/5, f 1877.

Syver Bang var òg urmakar og hadde sveinebrev. Heime dyrka han opp resten av den udyrka jorda. I 1927 bygde han ny og tidsmessig låve, og han bygde ny skåle og materialhus, flytta det gamle stabburet og bygde «Veslestugu» ferdig i 1945 saman med sonen Ole. Gjertrud var jordmor og tok imot om lag 1000 barn.

Ole S. Bang f 1911, eigar frå 1945, g 1946 m *Aslaug Solveig Jordet,* Nordre Land, sjå søre Bagnsjordet 39/13, f 1914. Barn:

1. *Syver* f 1947, neste brukar.
2. Emma f 1949.

Syver O. Bang f 1947, eigar frå 1987, gm *Bjørg Finnerud,* Nesbyen, f 1948. Barn:

1. Rut Solveig f 1979.
2. Ola Ellef f 1980.

Tamburgarden har ca. 30 da. dyrka jord heime, på Høvssetren er dyrka over 70 da. og skogen er 900 da. Syver O. Bang dyrka om lag 16 da. og sonen Ole S. Bang i alt ca. 55 da. Åkeren nedafor låven heiter *Tømteåker'n.*

Ole S. Bang bygde ny hovudbygning i 1953 i gamal bygdestil med svalgang i andre høgda langsmed huset. Fjøset og låven vart utvida og utbetra frå 1968 til -74, i fjøset er no 16 båsar. Nytt reiskapshus 1975.

Kjeldesetre ved Olavskjelda var gamal haustseter. Segna seier at «Tamburen», Ola Olson, skaffa virke til bu og kona hans, «Tambur-Marit», køyrde det fram. Denne bua står enno. Kjeldesetre var mellom det Peder Sveen selde frå garden i 1867, og i 1902 vart tomta frådelt Klukkarmoe som feriestad for diakonisser. Kjeldesetre hadde to vollar, den andre høyrde til Sørbøen. Også langsetra Høvssetre var delt mellom Tamburgarden og Sørbøen. I 1878 kjøpte Ole O. Bang bruket Huset øvst i Reinli saman med Herman Kvålshaugen, og brukte den eine halvdelen som haustseter. Enkja etter Ole, Anne, selde Huset i 1899.

Tamburgarden har frå gamalt hatt sumarsetra Høvssetre på Veståse. Ved delinga av nedre Bagn bruk II i 1769 fekk Sørbøen den eine halvparten. I 1887 kjøpte Ola O. Bang denne delen,

Potetgravst på Tamburgarde ca. 1920. Frå venstre Gunhild Kvålshaugen, Jofrid, Ole, Gjertrud, Oddvin, Syver og Anne Bang, Syver Bang Ødegård og Erik Haugsrud.

utskild frå Sørbøen i 1867, og Anne Bang selde i 1899 til Ole Iverson Biribakken. Ola O. Bang flytta opp på setra si ei gamal bu frå den andre vollen, som framleis står. På ny tomt vart bygt nytt fjøs i 1971 og ny bu i 1976.

Den eldste tomta på Høvssetren er etter ei årebu på delet mellom vollane. Seinare vart bygt bu med to rom og fjøs øvst på vollen. På den tredje tomta, litt lengre vest, var eit lite seterhus med bu, eldbu, sengerom og mjølkebu, riven kring 1875, og fjøs og låve i eitt med fjøs i fyrste høgda. Noko var brukt i den nye låven frå 1860.

I 1875 bygde Ola O. Bang ny bu på eit stykke på 10—15 da. han hadde fått leggje inntil vollen av sameiga, og flytta opp eit nytt tømmerfjøs frå nabosetra i 1887 og den førnemnde gamle bua. Desse husa står framleis som eit eige tun. I dagboka si skriv Ola O. Bang at han var den fyrste på seterlaget som køyrde dit med hjulreiskap i 1875 etter at setervegen var ferdig. Arbeidet tok til i 1850.

Segna fortel at Ola Olson Bang f 1810 då han var liten vart kasta ned frå hjellen i bua av haugafolket. Mor hans tok då guten og gjekk ned på nabosetre Skørratrøe og låg der den natta.

Søre Bagnsjordet bnr. 13

Søre Bagnsjordet, i daglegtale søre Jordet, ligg bratt til oppunder *Lonsberge,* men varmt og lunt på god, djup jord. Vassårene under berget gjer jorda tørkesterk. Så seint som under krigen vart det dyrka kveite. Her veks også det varmekrevjande treslaget hassel.

I 1738 selde Tøstein Olson på nedre Bagn bruk II 3 skinn til sonen *Embrek Tøsteinson Bagn* f 1711 d 1773 g 1. 1734 m *Kari Knutsdotter Nedrebøen,* Bøle bruk I, f 1701 d 1748. Ved skiftet etter Kari i 1748 var bruttoeiga 218 rd., men gjelda 245 rd. Odelsgodset på 3 skinn var taksert for 200 rd. Barn:

Tora f 1736, brukar seinare.

Embrek Tøsteinson g 2. 1758 m *Ingrid Eivindsdotter,* sjå Bagnsmoen.

I 1749 selde Embrek Tøsteinson til *Ellend Arneson* på Ellendshauge for 200 rd. Ellend døydde i 1762. Same år selde dei andre arvingane partane sine i søre Bagnsjorde for 252 rd. til verbroren *Knut Tøsteinson* gm *Anne Ellendsdotter,* dotter til Ellend Arneson. Knut kjøpte 2 skinn i Stavadale i 1767, sjå søre Stavadalen bruk I.

I 1766 selde Knut Tøsteinson for 298 rd. til *Svein Olson Bagn* f ca. 1734 d 1794 gm *Tora Embreksdotter Bagn,* f 1736 d 1805, dotter til førnemnde Embrek Tøsteinson. Svein Olson var rette odelsmann på vegner av kona si. Han var også skysskaffar. Ved skiftet etter Svein Olson i 1794 var bruttoeiga 531 rd. og nettoeiga 170 rd. Barn:

1. *Kari* f 1768, neste brukar.
2. Marit f 1777 gm Ola Embrekson Bagn, sjå Sørbøen 39/1.

På sumartinget i 1789 var Svein Olson stemna av Ola Sørflate med fleire fordi Svein, som ikkje var eigar på åsen, hadde gjerda seg inn ein ny setervoll og gjerda inn hamne og rekslevegar. Dette var til skade for dei andre seterbrukarane. Då saka på nytt kom opp på hausttinget same år, forklarte Guttorm Alvson Brattrud at Svein nyleg hadde inngjerda ei lita lykkje ved sida av si eiga seter på Hellebekken. No var det ei gutu mellom setra til Guttorm og den nye lykkja der rekslevegen til saksøkjarane hadde gått. Gutu var smal, med så brei at

ein kunne kløvja gjennom. Saka vart utsett til neste ting.

Kort før Svein døydde, selde han garden for 400 rd. til versonen *Lars Embrekson Maslangrud* f ca. 1768 d 1828 g 1793 m *Kari Sveinsdotter Bagn* f 1768 d 1838. Barn:

1. Tora f 1795 gm Sjugurd Sjugurdson Bagn, sjå nørdre Dølvesbrenne 48/15.
2. Siri f 1797 gm Hallvor Olson Navrud, sjå Hellinge 11/4.
3. Embrek f 1799 gm Gro Sveinsdotter Tronhus, sjå Haftonsbrøtin.

Det gjekk ut for Lars og Kari, og ved skøyte til *Ola Olson søre Lie d.e.*, frå Ølmhus, og *Ola Embrekson Bagn* eller Sørbøen i 1800 og 1801 måtte Lars selja garden. I skøytet til Ola Olson søre Lie d.y. i 1803 heiter det at Ola Olson d.e. hadde hatt pengar til gode. Ei tid var Lars og Kari husmannsfolk i Dale på Leirskoge, der Lars er kjend som «Lars i Dale». Lars døydde som husmann under Langøydgarde, og Kari som legdsfattig på Haftonseige.

I 1803 selde Ola Olson søre Lie d.e. og Ola Embrekson Bagn eller Sørbøen for 1099 rd. til son til Ola Olson, Ola Olson søre Lie d.y. Ola Embrekson skulle svara livaure til vermora Tora Embreksdotter. I 1811 kjøpte Ola Olson odelsretten til barna til Kari og Lars for 500 rd. av verjene Ola Embrekson og Ola Olson Bagn d.e.

Ola Olson d.y., søre Lie, f 1777 d 1853 g 1807 m *Marit Mikjelsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk IV, f ca. 1787 d 1832. Barn:

1. Dorte f 1807 d 1809.
2. *Ola* f 1810, neste brukar.
3. Dorte f 1812 d 1813.
4. Ingebjørg f 1816 d 1817.
5. Dorte f 1818 gm skulehaldar Ola Ellingson Maslangrud.
6. Mikjel f 1821 g 1845 m Tora Arnesdotter Ellendshaugen. Dei fekk i 1845 dottera Marit i Bagnsjorde. Marit og Mikjel kjøpte garden Hestkinn i Etnedal, og flytta dit. Etter å ha brukt garden i ca. 10 år, selde dei han og kjøpte søre Berg i Gausdal. (Valdres 26.2.1916.) I 1838 fekk Mikjel festesetel av broren Ola, som hadde overteke garden, på eit stykke urydda jord, Rennutn.
7. Ola f 1825 gm Anne Mikjelsdotter Bagnsøydgarden, dei kjøpte øvre Langedal i Bruflat. I 1849 fekk dei dottera Marit i Jorde.

I 1833 selde Ola for 500 spd. til sonen *Ola Olson* f 1810 d 1894 g 1837 m *Marit Arnesdotter Ellendshaugen* f 1820 d 1911. Barn:

1. Marit f 1838 gm Ola Knutson Bagnssvee, sjå Bagnslykkja 39/9.
2. *Ola* f 1840, neste brukar.
3. Tøren f 1843 gm Arne Olson Klauvrud.
4. Arne f 1845 d 1845.
5. Arne f 1846 d 1848.
6. Arne f 1849 g Midtbøen, Nordsinni.
7. Mikjel f 1851 g 1. m Kari Olsdotter Jukam, g 2. m Anne Marie Olsdotter Dølvesetre, sjå båe gonger Navrud 10/2.
8. Inger Maria f 1853 gm Nils Olson Framgarden, sjå Framgarden 13/1.

Familie i søre Bagnsjorde. Foran Ola Olson f 1810 og kona Marit Arnesdotter f Ellendshaugen 1820. Fremst til venstre sonen Martin (Høve) og til høgre Anton. Anton reiste til Amerika der han døydde 21 år gamal, og skal vera gravlagd på kyrkjegarden ved Bagn kyrkje. Andre rekkje frå venstre: Inger Marie (Framgarden), omtala som «Lommeklukka åt Jordesmann'n», ho var så snerten og pen. Tøren (Klauvrud), Marit (Lykkja) og Ole (Skaratn). Tredje rekkje: Ole Jordet, Arne (Midtbøen) og Mikkel Jordet.

9. Ole f 1856 gm Dorthe Thomasdotter Skarasetre, sjå Skaratn 47/1.
10. Martin f 1859 gm Åste Eriksdotter Høve, Vestringsbygde.
11. Anton f 1864 d 1885, til Amerika.

Då Marit Arnesdotter i 1910 var 90 år, fortel lærar Ole Thorsrud: Marit hadde vore ei husmor av det gode, gamle slaget — flittig, ordentleg, reinsleg og sparsommeleg. I den tida ho styrte, var karvar, rokk, vinde og vevstolar i bruk. Det var ei æressak for brud og brudgom å stå for altaret i heimevirka klede. Og mang ei jente som gjekk for presten, gjorde konfirmasjonskjolen sin sjølv. Kleda var stilfulle og vakre, hadde friske og livlege fargar, var sterke og varme. Dei var som «en avspeiling av naturens skjønnhet, ungdommens sunnhet og manndommens kraft». — Det var ikkje så mykje utanlandsk jugl og krimskrams den tid, legg Thorsrud til.

Ola, mannen til Marit, hadde vore ein dyktig og drivande, flittig og påpasseleg bonde. Ved sida av gardsbruket dreiv han mølle og sag. Han hadde også ei beinstampe, der bein vart knust og brukt til gjødsel. Ola hadde lese mykje, hadde godt minne og godt lag til å fortelja. Han var ein av dei gode, gamle forteljarar.

Far hans, Ola Olson, hadde vore ein sterk og glup arbeidskar som braut opp mange mål åker. Eit minne om rydningsarbeidet hans er den veldige steinen tett ovafor vegen til Tonsåsen, nær Kvednelve. På steinen er innhogge med store bokstavar: «Ole satte mig her 1817». (Valdres 16.4.1910.) — Denne steinen kom frå Rennebrøta, og Ola hadde laga ei tømmerbru for å trille han nedover bakken. Til ryddingsarbeidet brukte han eit særs stort spet, eller «staurstong», 2,35 m lang og 27 kg tung, som er i Jorde.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 28 mål dels svært god, dels noko skarp åker og dyrka eng, 30 mål svært godt slåtteland, frå setra og utmark kom 58 skippund høy, hamninga var neppe tilstrekkeleg, 7 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast for sal, og dei lauva 1500 kjerv. Garden vart vurdert som tungbrukt. I 1865 hadde dei 1 hest, 15 naut, 22 sauer, 3 grisar, og sådde 5 settingar rug, 10 settingar bygg, 3 1/2 tønner blandkorn, 5 settingar erter og 6 tønner poteter.

I 1889 selde Ola Olson til sonen *Ole Olson* f 1840 d 1921 g 1873 m *Sigrid Kristine (Siri) Pedersdotter nørdre Leistrud* f 1852 d 1937. Barn:

1. Marit f 1874 gm Olaus Arneson søre Nerøydgarden, sjå Øvrevøll 32/12.

Ola Olson søre Bagnsjordet f 1840 og kona Siri Pedersdotter f nørdre Leistrud 1852. Bak dei Sofie, dotter til Gunhild. Barna er frå venstre bak: Ole, Per, Anna, Olaf, Marit, Tora, Maren, Gunhild og Sigrid.

Kristine Olsdotter f søre Thorsrud 1877, gift til søre Bagnsjordet, var fotograf, utdanna hjå Nerlien i Kristiania. Kristine Thorsrud sykla kring i heile Valdres og fotograferte, tok «plater» som dei sa. Med kameraet sitt innfanga ho mange motiv og personar frå Sør-Aurdal.

2. Gunhild f 1876, jordmor i Etnedal, gm Østen Lybekk, Etnedal. Gunhild fekk i 1898 dottera Sofie med Olaf Olson Bang eller Tamburgarden.
3. Maren f 1878 gm Martin Hansson Sørum.
3. *Ole* f 1881, neste brukar.
4. Peder f 1883 gm Emma Hognemoen, Land, foreldre til Aslaug Bang, sjå Tamburgarden 39/5, og Marit Løkken, sjå Bagnslykkja 39/9.
5. Anna f 1886 gm Erik Olson Thorsrud, sjå søre Torsrud 30/1.
6. Olaf f 1888 d 1889.
7. Thora f 1890 gm Ole Antonson Bratrud, sjå søre Brattrud 23/7.
8. Sigrid f 1893 gm Mikkel O. Eid.
9. Olaf f 1895 d 1985.

I 1926 selde Sigrid til eldste sonen *Ole Olson Jordet* f 1881 d 1980 g 1909 m *Kristine Olsdotter Thorsrud,* søre Torsrud 30/1, f 1877 d 1952. Kristine Thorsrud var ein kjend fotograf. Fleire av bileta i gardssoga er tekne av henne. Ole var ein stor elgjegar, og felte heile 99 elgar i si tid. Barn:

1. *Solveig* f 1911, neste brukar.
2. Arnbjørg f 1920, fosterdotter, gm Arne Olsen, Stamsund i Lofoten.

Dottera *Solveig Olsdotter Jordet* f 1911 fekk auksjonsskøyte i 1933, g 1932 m *Håkon Edvardson Hansen,* Etna, f 1910. Barn:

1. *Ole Erling* f 1933, neste brukar.
2. Kjell Ronnie f 1938.
3. Håkon Olav f 1940.

Ole Erling Jordet f 1933, brukar frå 1954, gm *Karen Nyseth,* Bagn, f 1941. Barn:

1. Ole Ronnie f 1960.
2. Siv Janne f 1965.
3. Ståle f 1967.

Søre Bagnsjordet har 45 da. innmark og 1500 da. skog. Setrane Heggebu og øvre Vøllen har til saman 50 da. dyrka jord, ca. 20 da. udyrka og 350 da. skog. Noverande brukar, Ole Er-

Jaktlag på tunet i søre Bagnsjorde. Frå venstre Ole Jordet, Gerhard Lønnum og Olaf Jordet. Anders Kleven var også med på laget. Elgen vart skoten ved Vangen og rodd over til Driftesetre. Han vart mista og sokk, men dei fann elgen att etter ei veke.

ling Jordet, har dyrka heile seterarealet.

Namn i innmarka heime er *Bestefaråker'n, Beineikra* — som rimelegvis har fått namn etter gjødsel frå beinstampa, *Nylendet, Rennebrøtin* — den bortre delen av jordet, her er tomt etter ei lyu, *Målåker'n* og *Smiuåker'n*. Grøfter i skogen, på skrå nedover mot garden, fortel at det har vore teke vatn frå Kvednelven til vatning.

Gamlebygningen i to høgder, av same hustype som på Ellendshauge, skal vera bygd av «Svein Kyrkjebyggjar» i 1740-åra. Bygningen vart ombygd i 1890. Då vart han bordsydd, det vart laga gangar på framsida i sveitserstil og lagt nytt tak. Eit anna våningshus i halvanna høgd frå 1914 vart rive i 1969. Denne bygningen vart sterkt rasert under kampane i 1940. Det tidlegare våningshuset vart rive i 1914. Eit uthus frå 1922 vart rive 1978/79. I 1970 vart bygt nytt våningshus. Ny driftsbyning var ferdig i 1979. Eit stabbur er frå 1860, ei gardssag frå 1965 og eit reiskapshus frå 1967. Mølla og beinstampa i Kvednelven vart rivne kring 1900, eldhuset i 1948 og smiu i 1965.

Setrane no er Heggebu og øvre Vøllen, ei tid hadde garden også Brøtasetre og Blomstølen. Dei gamle seterhusa

vart bygde i 1860-åra av Ola Olson Bagnsjordet f 1810. På den store peisen i bua står det «O. 1863 B.». Seterbua er restaurert i 1980-åra, fjøset og låven er som før.

Drifta frå 1965 har vore spesialisert sauehald, den nye driftsbygningen frå 1977—79 har plass til 140 vinterfôra sauer.

Knut i Sveen laga ei klokke på Heggebu, som var bygd inn i veggen. Han laga også ei stuguklokke til brukaren i søre Bagnsjorde for at han fekk bruke ein husmannsplass eit år. Klokka er framleis på garden, og går den dag i dag. Det heitte at det var mykje haugafolk på Heggebu. Ein stad som er kalla *Stutarslette,* brukte haugafolket å stute i horn.

Om natta til 19. april 1940 tok tyskarane seg over isen på Begna, og brende tidleg på morgonen husa på fleire gardar på Øystre Bagn. Mange frå bygda og to familiar frå Oslo hadde evakuert til søre Bagnsjordet. Tyskarane vart merksame på at det var mykje folk her, men trudde det var militære, og sette garden under eld med bombekastarar o.l. Anna Skåren vart drepen då ein granat slo ned i døra til utkjellaren der ho og fleire oppheldt seg. Fleire vart såra. Ein del forsøkte å røma til skogs, blant dei dottera på garden, Solveig. Kvelden før hadde ho født ein son, Håkon Olav. Dei drog av stad med hest og slede. Hesten vart råka av eit skot i manken, men kom seg vidare i kuleregnet. Omsider nådde dei Myre ved Mikjelstjednet på Bagnsåse. Ei kvinne blant flyktningane frå Oslo, fru kaptein Langeland, kunne tysk, og fekk forklart tyskarane stoda på garden. Då roa dei seg ned og stana skytinga.

Fosshaug bnr. 67

Bustadhus på tomt utskild frå søre Bagnsjorde, bygt 1947 av *Harald Gamlemoen,* Barlund 39/55, f 1924, anleggs- og skogsarbeidar, gm *Inga Erstadseter,* Nord-Torpa, f 1931. Barn:

1. Haldis f 1956 gm Torger Antonsen, Biri.
2. Egil f 1963.

Rennutn

Den einaste me kjenner i plassen Rennutn, som låg sør for Lonsberge, er *Mikjel Olson søre Bagnsjordet* f 1821. I 1838 fekk han festesetel av broren Ola Olson, som hadde søre Jordet, på eit stykke urydda mark. Leiga på 2 spd. 2 ort skulle betalast med 12 dagar slått, 2 mål skur, 1 veke vår- og 1 veke haustarbeid. Mikjel gifta seg i 1845 m *Tora Arnesdotter Ellendshaugen.* Dei flytta ut, sjå søre Bagnsjordet 39/13.

Rud

Rud ligg øvst i åsen av plassane på Øystre Bagn, om lag i line med Rushaug.

Dei einaste me kjenner her, er *Anders Nilsson Brakaeige* gm *Anne Høljesdotter Jukamseige.* Dei er nemnde på Jukamseige 1823—36, men Anne døydde på Rud under søre Jorde i 1850.

I tradisjonen heiter det at folka på Rud drog til Amerika. I seinare år var Rud brukt som heimseter til søre Jordet.

Ei strofe om ei jente som var så glad til å danse, har vore knytta til Rud. Men det er vel helst fordi stadnamnet Rud er nytta som rimord. Jenta dansa seg i hel med den vonde:

«Hei, Kari Rud, kom skal vi snu,
du skal få danse metta di, du!»

Strykjelykkja

Strykjelykkja skal ha vore plass under søre Jorde, og låg på nordvestsida av Kvednelven, mellom Rennebrøtin og Rennutn. Tomter etter hus syner framleis.

Det er sagt at ei kone i Strykjelykkjun spann på handtein, og ein gong køyrde teinen inn i gapet på ein bjørn som vart for nærgåande.

Sørbøen bnr. 1

Frå 1769 trer Sørbøen fram som ein særskild gardpart, men sannsynlegvis eksisterte garden også i mellomalderen. Sistelekken i namnet, -bøen, som tyder garden, høyrer til dei eldste gardsnamna. T.d. kan Bøen i Reinli førast attende til den eldste busetjinga eller opphavsgarden der. Når Sørbøen i tillegg er nemnd i kjeldene så tidleg som før 1600, kan me rekne han som bortimot ein sikker mellomaldergard.

Som dei aller fleste gardane på Øystre Bagn låg også Sørbøen øyde under nedgangstida i seinmellomalderen. I eit brev frå Slidre i 1556 kunngjer Pål Øysteinsson at han med samtykke av kona si har selt 1 1/2 laupsbol jord til Olaf Kjellsson i øydegarden «Seedbønn» i Bagn kyrkjesokn. Ved omtakseringa av øydegardar i 1595 er «Søre Bønn» oppført blant øydegardar som nyleg var opprydda, og skulle betala 1 album i frelse. Det er vanskeleg å identifisere «Seedbønn» i 1556 og «Søre Bønn» i 1595, som då står etter Spangrud, øvre Jukam og Smedsrud, men før Piltingsrud, med andre kjende gardar enn nettopp Sørbøen på Øystre Bagn.

I 1769 pantsette Ola Gudbrandson på nedre Bagn bruk IIa 6 1/2 skinn som brukeleg pant for 704 rd. i 27 år til Embrek Olson Bagn. I 1789 vart denne parten, Sørbøen, seld til son til Embrek, Ola Embrekson.

Embrek Olson Brattrud f ca. 1720 d 1804 var kalla Åbjør då han kjøpte midtre Brattrud i 1760, g 2. 1768 m *Ingrid Knutsdotter Klauvrud* f 1732 d 1808. Ved skiftet etter Ingrid i 1808 var bruttoeiga 226 rd. og nettoeiga 177 rd. Barn:

1. Knut f 1769 d 1770.
2. Marit f 1771 d 1776.
3. Knut f 1775.

I oktober 1770 var det synfaring etter krav frå Embrek. Han ville ha takst for å kunne få erstatta kostnadene sine når garden vart innløyst etter pantetida. Etter di Sørbøen ikkje er omtala som sjølvstendig driftseining tidlegare, var husa kan hende komne frå hovudbølet i samband med pantsetjinga. Husa var: 1. Ei stor stugu med kove, i svært dårleg stand. 2. Eit dobbelt stabbur med rote underlag. 3. Eit fjøs, dels rote. 4. Eit gamalt småkrøterhus, taksert som ved. 5. Eit fôrhus i garden var i like dårleg stand. 6. Eit mindre fôrhus med trev var også berre tenleg til ved. 7. Halvparten i ei badstugu. 8. Halvparten i ei smiu. 9. Ei høylyu på *Moe*. 10. Ei gamal og roten høylyu på Øydgarde. 11. Skigarden heime og på vårsetra var 546 famnar, gamal og dårleg over det heile. 12. Ein del i ei flaumsag. 13. På langsetra Høvssetre hadde Embrek halvdelen i husa, som var eit gamalt sæl utan tak, eit fjøs og ei lyu. Alt var gamalt og forfalle. Til gardparten høyrde for tida 13 mål åker. I åkeren var ein holme og ei steinrøys, som burde fjernast fordi det var til skade.

I 1789 selde Ola Gudbrandson på nedre Bagn bruk IIa dei 6 1/2 skinna for1004 rd. til Ola Embrekson, son til Embrek Olson. Ola hadde bede om å få kjøpe. Med i salet var ein skógteig ovafor kongsvegen som Ola Gudbrandson og Embrek Olson hittil hadde brukt i fellesskap, samt ein annan liten skogteig. Eldste son til Ola Gudbrandson, Gudbrand Olson, fekk 40 rd. av kjøpesummen for odelsretten.

Ola Embrekson Bagn, midtre Brattrud 23/9, f 1763 d 1832 g 1796 m *Marit Sveinsdotter Bagn,* søre Bagnsjordet 39/13, f 1777 d 1821. Barn:

1. Marit f 1798 gm Ola Erikson nedre Torsrud.
2. Tora f 1800 gm Ivar Hallvorson Bagn, sjå nedre Bagn bruk III.
3. Ingrid f 1803 gm Lars Mikjelson Tronhus, sjå Klauvstad og Tordebrøtin.
4. Anne f 1806.
5. Anne f 1807 d 1809.
6. Ingrid f 1809.
7. Embrek f 1810 d 1810.
8. *Embrek* f 1812, neste brukar.
9. Anne f 1815 d 1821.
10. Svein f 1819 gm Ingebjørg Gunnarsdotter Jukam, sjå Flatåker 39/7.

I 1828 selde Ola Embrekson for 200 spd. til sonen *Embrek Olson Sørbøen* f 1812 g 1831 m *Kari Olsdotter Sparkevik* f 1811. Embrek selde garden i 1843. Deretter er dei nemnde som husmannsfolk under søre Langøydgarde 1845, i Dølve 1848, i Dølvesskare 1853 og i Gubberud 1856. I 1861 reiste dei til Amerika. Embrek Olson Sørbøen fekk i 1844 dottera Tøren med Johanne Olsdotter Stanfinnmarke, sjå Smedmoen 50/23 om Johanne og Tøren. Barn til Embrek og Kari:

1. Marit f 1831, til Amerika 1851.
2. Ola f 1833, til Amerika 1861 frå Gubberud.
3. Ola f 1836, kan hende den Ola Embrekson Gubberud som i 1864 fekk sonen Embrek d 1864 med Siri Olsdotter Skaroeige.
4. Svein f 1838.
5. Sjugurd f 1842, til Amerika 1862.
6. Beret f 1845.
7. Anders f 1848 d 1850 i Dølve.
8. Berit f 1853, til Amerika med foreldra 1861.
9. Anton f 1856, til Amerika med foreldra 1861.

I 1843 selde Embrek Olson til *Sjugurd Olson,* som i 1844 selde til *Ola Olson Ølmhus.*

Ola Olson Ølmhus selde i 1847 til *Anders Torgrimson Steinsrud,* Hesjabakke 68/2, f 1805 g 1. 1829 m *Kari Amundsdotter Rustebakke* f 1804 d 1848. Barn:

1. Torgrim f 1831 d 1853.
2. Siri f 1836, til Amerika 1861.
3. Amund f 1843 d 1845.

Anders Torgrimson g 2. 1849 m *Eli Haraldsdotter Skar* f 1817. Barn:

1. Harald f 1850.
2. Anton f 1852.
3. Torgrim f 1854.
4. Anne Karine f 1856.
5. Anne Kristina f 1857.
6. Anne f 1859.

I 1863 selde Anders Torgrimson til *Mikjel Olson Mikjelsøygarden* f 1826 d

1876 g 1853 m *Kari Olsdotter øvre Storøydgarden* f 1833. Barn:

1. Anne Syverine f 1854 g 1. m skulehaldar Mikael Torvald Olsen, Nes i Hallingdal, g 2. m kyrkjesongar Krogsrud, Ådalen.
2. Ole f 1855 g 1. m Helene Haraldsdotter Hugulia, Torpa, g 2. m Golla Thoresdotter Hertel Soleglad, sjå båe gonger Ølmhus.
3. Ole f 1858, bankkasserar, Nes i Hallingdal.
4. Olaf Emil f 1861.
5. Guri f 1862 gm lærar Ole Olson Thorsrud, sjå Dalborg 39/39.
6. Erling f 1867, overlærar i Drammen.
7. Kari f 1869 gm kyrkjesongar Knut Knutson Gigstad, seinare skuleinspektør i Hønefoss.
8. Sigurd f 1872 gm Jøran Julsdotter Berger, Skrautvål, sjå Sveitn 43/2.

Kari Olsdotter g 2. 1880 m *Ole Olsen Sveene,* sjå Sveitn 43/2.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 21 mål god åker og dyrka eng, 22 mål god slåttemark, frå setrar og utmark kom 21 skippund høy, hamninga var neppe tilstrekkeleg, 1 tylft furu- og grantømmer kunne hoggast for sal, og dei lauva 200 kjerv.

I 1877 selde Kari Olsdotter, som då var enkje, til tømmerhandlar *Knut Aslakson Dølve,* Midtlie 22/16, f 1826 d 1899 g 2. 1891 m *Gunhild Olsdotter nørdre Bagnsjordet* f 1867. Barn:

1. Aksel Oskar f 1895 gm Borghild Eiriksdotter Wold, sjå Veigård 32/23.
2. Karl Ingvald f 1897.

Gunhild Olsdotter Sørbøen g 2. 1900 m *Ole Olson Spangrud,* Fremredalen 37/5, f 1876. Barn:

1. *Knut* f 1900, neste eigar.
2. Grethe f 1903.
3. Olav f 1907, bur på garden.

Knut Aslakson Dølven f 1826 kjøpte Sørbøen i 1877. Han var tømmerhandlar.

I 1932 selde Gunhild og Ole Sørbøen til sonen *Knut O. Sørbøen* f 1900 d 1977.

Eigar frå 1967 er *Arvid Nørstebøen* f 1945 gm *Åse Strande* f 1950 i Etnedal. Barn:

Anette f 1979.

Sørbøen har 45 da. innmark og 800 da. skog. Alle husa brann under kri-

gen. Dei nyoppbygde husa er våningshus, stabbur, driftsbygning og skåle og vognskjul i eitt. Arvid og Åse Nørstebøen har sauer.

Vidsyn bnr. 143

Bustadhus 1981 på tomt utskild frå Sørbøen i 1980, bygt av *Terje Gunnar Bergli,* Gullhaug 37/47, f 1955.

Bagnsåsen bnr. 44

Her vart det i 1905 bygt ei seter, som på folkemunne gjekk under namnet «Settlementet». Sørbøen setra på Settlementet nokre år.

I 1916 vart setra utskild og seld til baneformann *Ola Ødegård,* Heidal, f 1867 d 1925 gm *Marit* frå Hundorp f 1868 d 1938. Marit budde på sine eldre dagar hjå sonen Håkon ved Brevik. Husa vart rivne i 1950. Noverande hus er på den andre sida av vegen. Barn:

1. Olaf, budde i Kirkenes, g 2. m Nygård, Bagn.
2. Håkon, fyrste busett i Kirkenes, kona døydde i barsel, gift på nytt og busett ved Brevik.
3. *Ottar* f 1907, neste eigar.

Ottar Ødegård f 1907, eigar frå 1938, g 1936 m *Gudrun Lafton,* Bagn, f 1909 d 1983. Sonen *Arvid Ødegård* f 1944 er eigar no. Han arbeider på Aven Tre.

Barlund bnr. 55

Barlund var opphavleg ei lita stugu oppe i Bagnsbakko, og i 1921 utskild som bustadtomt frå Sørbøen. Den gamle stugu vart sett opp noko før hundreårsskiftet av *Sigrid Olsdotter* f ca. 1844 d ca. 1917. I folketeljinga 1900 er ho oppført på Barlund som «arbeiderske», og levde av å spinne, binde o.l. Saman med henne budde Sesel Olsdotter f ca. 1829.

I Valdres 14.2.1918 fortel Anders Lønnum om Sigrid, som var død for over eitt år sidan, under overskrifta «En liten minnekrans til Sigrid Barlunds grav». Mor hennar oppdrog Sigrid det beste ho kunne i fattigdom inntil Sigrid kom bort til framande for å tene. Seinare pleide ho den gamle mor si til ho døydde. Sigrid levde av å sy, binde og veve, og om sumaren skrapte ho saman litt høy til to eller tre geiter.

Far til Sigrid, som gjekk under namnet «Trulsen», budde åleine i ei lita hytte i Reinli. Det kom nervefeberepidemi til bygda, og far til Sigrid vart sterkt råka. Ingen torde gå inn i hytta. Sjølv om Sigrid berre såvidt kjende far sin, laga ho ei lita matbør av det vesle ho hadde, og pleide han til han døydde.

Nokre år seinare fekk Sigrid ved stor flid og sparsemd sett seg opp ei lita hytta i Bagnsbakko, som fekk namnet Barlund. Her levde Sigrid nokre år inntil ho i alderdomen var nesten blind. Dokter Evjen fekk henne inn på Rikshospitalet, men seinare kom Sigrid på legd.

I 1921 selde Gunhild Sørbøen Barlund til *Isak Haldorson Moen,* Kyrkjebjørgmoen 35/7, f 1864 gm *Maria* frå Nes i Ådalen.

I 1932 selde Maria Moen til *Ellef Erikson Gamlemoen* f 1888 d 1972 g 1917 m *Hanna Olsdotter Bjørnstad,* nedre Bjødnsplassen under Dølve, f 1886 d 1965. Dei er nemnde i Bjødnsplasse i 1918 og -19, og deretter i Finnhert før dei kom til Barlund. I 1949 bygde dei nytt bustadhus her. Ellef var skogsarbeidar og arbeidde på sliperiet. Barn:

1. Anne f 1918 gm Sigurd Viken, Begnadalen.
2. Marie f 1919 gm Per Milevasslien, dei har bygt ved sida av Barlund.
3. Gunhild f 1922 d 1923.
4. Harald f 1924 gm Inga Erstadseter, Torpa, sjå Fosshaug 39/67.
5. Elling f 1925 d 1969.
6. Oddmund f 1929.

Åsheim bnr. 57

Bustadtomta Åsheim på Tonsåse vart utskild frå Sørbøen i 1922, og seld i 1923 til jarnbanearbeidar og baneformann *Torstein Torsteinsen* f 1881 i Voss d 1975 gm *Gjertrud Arnesdotter Bjørneskaret* f 1879 d 1957. Barn:

1. Ingebjørg f 1905 d 1960 gm Knut Røyne, Slidre. Dei budde på Åsheim til Ingebjørg døydde, deretter flytta Knut til Dokka. Barn: Tora og Magne Gunnar.
2. Torbjørn f 1908 d 1974, baneformann, gm Jørand Brynhildsen, Slependen, busette i Aurdal.
3. Kirsti f 1917 gm Martin Framnes, sjå Framnes 39/21.

Seinare eigar er utanbygds frå, og bruker Åsheim som feriestad.

Klukkarmoen bnr. 4

Garden Klukkarmoen, som låg på den flate moen sør for prestegarden, var samansett av fleire partar. Den største vart utskild frå Sørbøen i 1834, i 1853 og -67 vart det kjøpt to partar frå Tamburgarde og i 1864 ein part frå nørdre Bagnsøydgarde.

I oktober 1834 selde Embrek Olson Sørbøen noko av Sørbøen til kyrkjesongar Arne Sjugurdson for 400 spd. Salet omfatta to lykkjer eller jordstykke nedafor Sørbøen, skilde frå kvarandre av allfarvegen, og eit skogstykke på åsen. Den fråselde delen, kalla Klukkarmoen alt i 1834, vart ved skylddelingsforretning same dag vurdert til 1/4 av Sørbøen, og fekk ei skyld av 1 5/8 skinn.

Arne Sjugurdson Bagn, søre Dølvesetre 48/11, f 1788 d 1857 g 1847 m *Anne Gulliksdotter Bagn,* Renna under Gastgjevarhauge, f 1798 d 1872. Arne Sjugurdson var klokkar fram til han døydde, den fyrste faste klokkaren i bygda, og virka også som lærar.

I 1862 selde Anne Gulliksdotter til *Hans Ellevson Grimsrud,* som i 1865 selde til lensmann *Thore Soleglad* frå Lesja gm *Betsy Kristine* f Dahl frå Vadsø.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 15 mål skarp åker og dyrka eng, 48 mål vanleg slåtteland, hamninga var ikkje tilstrekkeleg, 1 tylft gran- og furutømmer kunne hoggast for sal, og garden var lettbrukt. I 1865 hadde lensmannsfamilien 1 hest, 5 naut, 1 gris, og sådde 6 settingar rug, 2 tønner bygg, 1 1/2 tønne blandkorn, 4 settingar erter og 4 tønner poteter.

Branntakst 1874: 1. Hovudbygning i to høgder med skifersteinstak. 2. Drengestubygningen aust for hovudbygningen hadde også skifertak. 3. Stabburet nord for drengestubygningen hadde skifersteinstak. 4. Ein stall med tak av sagbord. 5. Vedskjulet på den øvre sida og inntil stallen hadde tak av sagbord. 6. Eit grisehus mellom stallen og låven. 7. Ein låve. 8. Fjøset stod på vestre ende og inntil låven. 9. Foran fjøset og

på båe sider av inngangen var oppført to «lokum» — doar, med skifersteinstak. 10. Sør for garden var eit eldhus.

Etter at Klukkarmoen hadde vore bustad for lensmannen i 35 år, var det fleire eigarar gjennom to tiår før Sør-Aurdal kommune kjøpte garden i 1920:

I 1900 fekk *Edvard Elsrud* og *Wegger W. Gravlie* skifteskøyte. Dei selde i 1904 til *Ole Arneson Fønhus* gm *Marit Trondsdotter Islandsmoen,* sjå Liffengren 33/3.

I 1911 selde Ole A. Fønhus til amtsdyrlækjar *Anders Piltingsrud* gm *Mathea Louise Waagaard.* Dei flytta til Hønefoss i 1920. Barn:

1. Ragnar f 1911.
2. Maren Thea f 1914.

Anders Piltingsrud selde i 1920 til Sør-Aurdal kommune, som fyrst nytta Klukkarmoen som bustad for dyrlækjarane *Langballe*, *Brandt* og *Elling Enger*.

Ved 50-årsdagen i 1925 gav brukseigar Pedor Piltingsrud og kona Emma Mathea f Bang 50000 kroner til Sør-Aurdal kommune til aldersheim. Nokre år seinare vart Klukkarmoen teken i bruk til dette føremålet, og tente som aldersheim i over 30 år til den nye alders- og sjukeheimen i Bagn sentrum vart bygd.

Etter at aldersheimen var flytta, vart Klukkarmoen utlagd til det fyrste bustadfeltet i Sør-Aurdal. I 1967 tok kommunen sjølv til å byggje utleigebustader. Med gamle og nye hus var det i 1979 16 bustadhus på Klukkarmoe.

Drengestugu på det gamle Klukkarmoen, der rivemakaren Anton Helgesen hadde hatt verkstad, vart seld til målarmeister Ivar Bakken. Dei andre husa vart rivne.

Klukkarmoen bustadfelt

I oversynet er kommunale utleigebustader ikkje med.

Bekkero

Bygt 1968. *Ola Haugen,* Bagn, f 1930, snikkar, gm *Martha Oline Slette,* Reinli, f 1931. Barn:

1. Steinar f 1959.
2. Reidar f 1962.
3. Bente Oddrun f 1966.
4. Vidar f 1967.

Bekkevold

Bygt 1968. *Bjørn Storrø,* Oslo, f 1931, lensmann, gm *Martha Nordland,* Vang, f 1931. Barn:

1. Kari Elisabeth f 1966.
2. Idun f 1971.
3. Bjørg Eva f 1974.

Arne Johan Lindstad, Åmot, f 1924, snikkar, gm *Ruth Johansen,* Ullensaker, f 1925, frisørdame. Barn:

1. Mona f 1951 gm Reidar Dalen, Nordre Land.
2. Heidi f 1955.

Bjørnebo

Bygt 1965. *Bjørn* f 1934, sjåfør, og *Grethe Olsen,* Nord-Aurdal, f 1933, assistent. Barn:

1. Bjørn Erik f 1959 gm Tove Wilhelmshaugen.
2. Osvald f 1968 gm Ruth Kloppbakken, Nordre Land, sjå Plassen 38/8.
3. Liv Helene f 1969.

Møitun

Bygt 1968. *Gunnar Hansebakken,* Begnadalen, f 1943, maskineigar, gm *Synnøve Karen Møilien,* Gausdal, f 1943, sjukepleiar. Barn:

1. Anne f 1968.
2. Greg Roger f 1972.

Kirkeby

Bygt 1971. *Arne Grøv* f 1942, likningssjef, gm *Anne Grethe Bråten* f 1945, kontordame. Barn:

1. Anne Hilde f 1972.
2. Guro f 1975.
3. Harald f 1979.

Elvestad

Bygt 1963. *Osvald Johansen,* Moss, f 1920 d 1976, sjømann, gm *Solveig Renden,* Tønsberg, f 1922. Barn:

Rolf f 1947.

Solstrand

Bygt 1953. *Johan Larsen,* Bagn, f 1918, skogsarbeidar, gm *Kjellaug Haugen,* Bagn, f 1922. Barn:

Terje f 1954 gm Karin Aamodt.

Snippen

Bygt 1971/72. *Odd Arnulf Tronrud,* Bagn, f 1947, lensmannsbetjent, gm *Lis Irene Hygum,* Danmark, f 1941, frisørdame. Barn:

1. Kim f 1963.
2. Asle f 1969.
3. Jørn f 1971.

Solstad

Bygt 1954. *Johannes Egge,* Vestre Slidre, f 1906, vegvaktar, gm *Borghild Odden,* Sør-Aurdal, f 1904 d 1964. Barn:

Borgny f 1930 gm Svein Ryen, Oslo.

Sandtun

Bygt 1951. *Ola Bang* f 1901 d 1986, vegvaktar, gm *Torbjørg Kløvrud* f 1906. Barn:

1. Anne Kathrine f 1937.
2. Turid f 1944 gm Asbjørn Bilden, Jevnaker.

Bekkevold

Bygt 1960. *Harald Storbråten,* Sør-Aurdal, f 1919, murar, gm *Nora Bergrud,* Nes i Ådal, f 1924. Barn:

1. Anne Lise f 1948 gm Kjell Jørgen Fjeld, Etnedal.
2. Berit Paula f 1950 gm Svein Moen, Sør-Aurdal.
3. Tove Irene f 1957 gm Ragnar Skaret, Sør-Aurdal.

Sandbekk

Bygt 1953. *Gunnar Biribakken,* Bagn, f 1917, avdelingsleiar, gm *Marie Haslene,* Reinli, f 1917. Barn:

1. Gerd Målfrid f 1946 gm Børge Rostvåg.
2. Astrid Helene f 1955 gm Terje Stendebakken, Leira.

Bnr. 150

Jan Henrik Bakke, Bærum, lærar, f 1957, gm *Sissel Irene Albrigtsen,* Herøy, Helgeland, f 1958, hjelpepleiar. Barn:

Erlend f 1984.

Diakonissehuset bnr. 28

Diakonissehuset heitte opphavleg Skovly, vart utskild frå Klukkarmoe i 1902 og seld i 1903 til sanatorieeigar *Chr. Christensen.* Lensmann Soleglad hadde i si tid bygt eit fritidshus her. Chr. Christensen selde i 1906 til *Diakonisseanstalten* i Kristiania, som fekk endra namnet.

Under dei nye eigarane vart Skovly, seinare Diakonissehuset, fyrst brukt som feriestad for diakonisser, seinare som feriekoloni for barn. Huset vart nedrive i 1979.

Framnes bnr. 21

Framnes på tilsaman 9 da. vart utskild frå Sørbøen i 1897 og 1902, og seld i 1897 av Knut Dølven til *Syver Erikson Sagstuen,* Brøtin under Gastgjevarhauge, f 1870 d 1924 g 1895 m *Guri Syversdotter Hagadokken* f 1872 d 1942. Dei bygde opp Framnes, som brann i 1940 og vart oppbygd året etter. Barn til Syver og Guri:

1. *Einar* f 1895 gm Dorthea Olsdotter Bråten, Aurdal, sjå Solrud 37/29.
2. Sigurd f 1896 d 1896.
3. Sverre f 1897 d 1897.
4. Emil f 1898 d 1899.
5. Martin f 1900 d 1900.
6. Sigmund f 1901 gm Borghild Bjørneskaret, sjå Fagerstrand 37/41.
7. *Martin* f 1904, eigar etter broren Ivar.
8. Egil f 1907 gm Margit Andreasdotter Evensen Rundbråten.
9. Gudrun f 1909 d 1934 g 1. m Oskar Olsen Fjeld, Etnedal, g 2. m Knut Belgum, Aurdal.
10. *Ivar* f 1912, neste eigar.

I 1918 selde Syver E. Framnes til sonen *Einar,* som selde attende til *Syver* i 1920.

I 1930 selde Guri Framnes til sonen *Ivar Framnes* f 1912 d 1940, skoten under krigen.

Arvingane etter Ivar selde i 1941 til bror hans, *Martin Framnes* f 1904 d 1987 gm *Kirsti Torsteinsen,* Åsheim 39/57, f 1917. Barn:

1. Sverre Thorleif f 1942 gm Anne Lise Kleggetveit, busette i Evje.
2. Grethe Karin f 1949 gm Arne Olav Langedrag.
3. Astrid Marie f 1954 gm Runar Nymoen, busette i Hønefoss.

Brubakklykkja bnr. 22

Dei fyrste me kjenner som kan ha budd i Brubakklykkjun, er *Trond Olson Bagnseige,* Bagnsøydgardseige, f

1771 d 1838 g 1. 1794 m *Ingrid Eivindsdotter Hieim* f ca. 1761 d 1823. Trond og Ingrid er nemnde på Bagnseige frå 1794. «Bangsløkken» er oppgjeve som opphaldsstad for Trond då han døydde. Men på plassen som er kjend som Bagnslykkja eller Lykkja budde det andre husmannsfolk, og andre plassar med etterlekken -lykkja under Bagn fanst ikkje. Ved skiftet etter Ingrid i 1827 var plassen kalla «Lykken». Bruttoeiga var då 149 rd. og nettoeiga 110 rd. Barn:

1. Ola f 1794 gm Tøren Hallvorsdotter Tollevsrud, sjå Bagnslie under Flatåker.
2. Marit f 1797 d 1798.
3. Marit f 1800 gm Ola Amundson Vøllseige, sjå Brue under Ellendshauge.
4. Marit f 1805.
5. Beret f 1808 gm Ivar Olson Bagnseige, sjå Saudalen 22/5.

Trond Olson g 2. 1827 m *Anne Olsdotter Brattrud* f ca. 1788.

I 1845 fekk *Knut Knutson Bagnseige,* Berget under nørdre Bagnsjorde, f 1821 festesetel på Brubakklykkja, g 1. 1848 m *Ragnhild Olsdotter Jølem* frå Hallingdal f 1812 d 1877. Barn:

1. *Andreas* f 1849, neste brukar.
2. Knut f 1851 — handelsmannen Knut Knutsen — gm Sigrid Hansdotter Islandsmoen, sjå Liffengren 33/3.
3. Gunhild f 1853 gm Erik Syverson Jukamslie, sjå Hermundslie 13/25.
4. Ole f ca. 1856 d 1861.

Knut Knutson g 2. 1880 m *Sigrid Mikkelsdotter Kolbu,* sjå Kølbu 46/4.

I 1865 hadde dei 1 hest, 3 naut, 4 sauer, 2 geiter, og sådde 1/2 setting rug, 5 settingar bygg og 6 settingar blandkorn.

Andreas Knutson Brubakklykkja f 1849 g 1. 1873 m *Berit Knutsdotter Hesthagin* f 1842. Andreas kjøpte Brubakklykkja i 1897 etter utskiljing frå Sørbøen same år. Barn:

Ole f 1873.

Andreas Knutson g 2. 1878 m *Ingeborg Eriksdotter nørdre Smedsrud* f 1850. Barn:

1. Knut f 1879.
2. Erik f 1881.
3. Reier f 1885.
4. Anders f 1888.
5. Brynjulf f 1891.

I 1904 selde Andreas Knutson til *Ole Olson Nybråten* frå Nord-Aurdal, f 1867 d 1945 g 1899 m *Elise Mikkelsdotter Vold,* nørdre Torsrud 30/7, f 1878 d 1961. Barn:

1. Anna f 1900 gm Harald Rud, Oslo.
2. Oskar f 1902 gm Magnhild Ulsaker, Nord-Torpa.
3. *Mikkel Kolbjørn* f 1906, neste brukar.

Kolbjørn Nybråten f 1906, brukar frå 1951, gm *Signe Brennjord,* Lesja, f 1913. Barn:

1. *Ola Jacob* f 1939, neste brukar.
2. Elsa Oddrun f 1945.

Ola Jacob Nybråten f 1939, brukar

frå 1978 og arbeider i Televerket, gm *Astri Feet,* Hardanger, f 1940. Barn:

1. Siv Taran f 1971.
2. Kjartan f 1977.

Brubakklykkja har 33 da. innmark, av det ca. 12 da. dyrka jord, og 400 da. skog og utmark. Det gamle våningshuset er frå før Ole Olsen Nybråten si tid, men utbetra. Ole Jacob og Astri Nybråten har bygt nytt bustadhus. Uthuset er frå 1942.

Setra Mørkedalen på åsen mot Kjeldeknatte kjøpte Ole Olson Nybråten i 1919 av Gunvald Gullberg.

Dei siste åra har det vore drive med sauer.

Nygård bnr. 30

Nygård vart utskild frå Brubakklykkjun i 1904, og seld same år til Ole Gustavson Bergabråten, som seinare tok namnet Nygaard. Ole Gustavson bygde opp Nygård i 1912, rydda mesteparten av jorda og gav bruket namn.

Ole Gustavson Nygaard frå Dølaplasse, Åbjør, f 1860 d 1947, skomakar, g 1884 m *Marit Olsdotter Dølvesmarke* f 1846 d 1932. Dei er nemnde på søre Vøll 1885, på Bjørkelund 1887, på Liffengren 1889 og var i Bergabrøta i 1900. Barn:

1. Gustav f 1885, til Amerika.
2. Olav f 1887, til Amerika.
3. *Sigurd* f 1889, neste brukar.

I 1939 selde Ole Gustavson til sonen *Sigurd Nygaard* f 1889 d 1966, lokomotivførar, gm *Sofie Amalie Johansdotter Sevatsen,* Aurdal, f 1888 d 1983. Barn:

1. *Edvin* f 1917, gift og busett i Oslo.
2. Barne Osvald f 1919 gm Ella Fosserud, Kongsberg, busette i Oslo.
2. Signe Margrethe f 1922 gm Kolbjørn Juvkam.
3. *Astrid Sonja* f 1924.

Eigarar frå 1984 er *Edvin Nygård* og systera *Astrid Sonja.*

Nygård hadde opphavleg 11 da. dyrka jord. Det er seld ei tomt til Per Lien, og Bjarne Nygård har hytte på eigedomen.

Gråndalen bnr. 31

I folketeljinga i 1900 er Gråndalen kalla rydningsplass under Brubakklykkjun. Her budde då *Sigrid Knutsdotter* f i Øystre Slidre ca. 1850, kalla «Slidre-Sigrid», med to søner. Sigrid var enkje etter *Ole Arneson,* — «Timanns-Ola». Dei hadde budd i søre Håvårdsonplasse under Skaro, sjå der. Etter folketeljinga levde Sigrid av å spinne, veve o.l.

I 1904 vart Gråndalen utskild, og seld same år til *Ole O. Bang* og bankkasserar *Ole E. Thorsrud.* Dei selde i 1907 til *Syver E. Framnes,* som i 1908 selde til grosserar *Ingvald Nielsen* i Kristiania. Eigar i 1969 var *Odd Nielsen.*

Gråndalen er no feriestad.

Brubakkin bnr. 23

Dei fyrste husmannsfolk me kjenner i Brubakka under Sørbøen, Hans Hansson Kjensjordet og kona Berte Dag-

finnsdotter, fekk husmannskontrakt i 1838, men plassen er eldre.

Hans og Berte overtok plassen slik den var inngjerda, men unnatak av lykkja sør for skigarden som nå var oppsett, og gjekk nedover jordet sønnafor husa. Dei fekk rett til nøytslefang i skogen til Sørbøen, og kunne ta 100 kjerv lauv. Leiga på 8 spd. skulle betalast til vårtinget kvart år.

Hans Hansson Kjensjordet f 1808 d 1874 som innerst på Vøll gm *Berte Dagfinnsdotter* f ca. 1800 d 1867 i Brubakka. Båe kom frå Biri. Hans er i 1865 oppført som fargar. Barn som me kjenner:

1. Hans d 22 år gamal i 1856.
2. Anne Dorthea f 1845 d 1846.
2. Anne Dorthea f 1848.

I 1865 hadde dei 4 naut, 1 sau, og sådde 1/2 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

I eit barndomsminne i Valdres 14.5.1910 gjev Anders Lønnum eit lite og varmt portrett av Berte og Hans i Brubakka.

Det var vinteren etter flaumåret 1860. Familien til Anders budde den gong i Langedragslien. I bygda var naud, og Anders og ein yngre bror måtte ut for å be om mat. I mange dagar hadde mor hans kokt på nokre avgnagne kjøtbein, og laga litt sø av dette. Ein dag gjekk det ikkje lenger. Dei måtte ut ville dei berge livet. Om morgonen før dei gjekk, gav mora dei på nytt ein liten kopp sø, berre vatn, som var kokt på dei utkokte, svarte beina. I tynne, lappa klede drog gutane av stad. Dei gjekk innom naboen, der stoda var like ille. Ein liten gut derifrå slo fylgje, slik at dei vart tre tilsaman.

Turen gjekk til Bagn, der dei var inne på alle større gardar. Men resultatet vart knapt meir enn smular. Oppe i ein solbakke ved Kvednelve åt dei alle tre opp ei lita skovl mjøl dei hadde fått.

«Dette var en kold dag i mars, og solen holdt just på å gå ned. Vi var alle våte på føttene og forfrosne, og min bror, som var minst, begynte å gråte og ville hjem, men vi var for langt borte til at han orket å gå den vei.

Noe lengre oppe i bakken lå et husmannsbruk, Brobakken het det. Mor hadde sagt til meg, at der var noen snille folk der. De var lesere, sa hun, og hun trodde sikkert, vi ville få hus der om natten. Jeg hadde liten tro på at det ville gå oss bedre der enn andre steder, for vi hadde vært inne hos mange lesere om dagen uten å få noe. Disse hadde uten unntakelse bedt oss gå ut igjen likeså fort som vi kom inn.

Jeg tok min bror i hånden og ledte ham oppover og gikk inn på Brobakken, hvor to aldrende folk holdt på å vri noe garn opp av en farvekjele. Folkene stanset sitt arbeide, og så litt nyskjerrig hen til os, mens vi unnselig ble stående ved døren. Jeg vil skynde meg å si, at Hans og Berte, så het folkene, som var barnløse folk, var opphavleg fra Biri, var farvere og meget dugelige i sitt fag, og hadde fullt opp å bestille.

Konen la straks fra seg sitt arbeid, tok en krakk og satte hen til den på peisen sprakende ild, idet hun sa: Vær så gode å sette dere og varme dere, smågutter. De ser så frosne og sultne ut stakkar, sa hun, idet hun hjalp min bror hans våte skotøy av. Mannen la også sitt arbeid fra seg og tok en bøtte, gikk ned i kjelleren etter poteter, og satte over ilden, mens konen holdt på å varme litt god melk til oss. Etter at vi fikk vite, at vi skulle få ligge der om natten, var bekymringen slutt for den dag. Mannen bar straks inn et fang halm til en seng til oss og konen kom med sengklær.

Da maten var ferdig til kvelds, la konen en duk på bordet og sa til sin mann: Vi vil ha det litt fint i kveld, Hans. Begge de gamle var under dette så glade og tilfredse, og det var noe forunderlig ved dem, som jeg

hverken da eller senere har kunnet forklare meg. Folkene bad oss lese hver vår bordbønn, hva vi gjorde. Etter måltidet leste Hans et kapittel i sitt nye testamente, hvor det står:

«Jeg var hungrig og I gav meg å ete, jeg var naken og I kledte meg; hva I har gjort mot de minste har I gjort mot meg.»

Straks sov vi i vår gode seng, og våknet ikke før solen sto høyt på himlen. Av disse gode folk ble vi likedan behandlet om morgenen, og ved avskjeden gav de oss endog litt mat hjem med hilsen til våre foreldre.

Det er nu 49 år siden. Jeg er nu en gammel mann, og jeg kan neppe holde tårene tilbake, når jeg tenker på disse gode folk. I over 40 år har nu disse to hvilet på Bagns kirkegård. De ble begravet på østre side av kirken like ved muren. Deres graver ble omgitt av et lite stakitt. I mange år, når jeg var inne på kirkegården, hadde jeg med ville blomster og kastet på deres graver. Nu er deres graver opptatt av andre; men hver gang jeg er inne på kirkegården, må jeg se den jordflekk, hvor disse gilde folk hviler.»

I åra etter Hans og Berte si tid stod Brubakkin i periodar folketom. I 1879 er *Hans Halvorson og Thorine Olsdotter* nemnde i Brubakka då dei fekk dottera Thora. I 1888 er *Nils Iverson* og *Guri Olsdotter* nemnde då dei fekk sonen Iver.

Anders Olson nørdre Bagnsjordet f 1869, tenar på Tonsåsen Sanatorium, gm *Petronelle Dagfinnsdotter Taraldsrud,* Biri, f ca. 1872, budde her i 1900. Barn som me kjenner:

1. Olav f 1892.
2. Dagfinn f 1903.
3. Inger Mathea f 1905.

I 1897 vart Brubakkin utskild frå Sørbøen, og seld i 1903 til *Ole Olson Bakken.*

Fyrst i 1920-åra vart Ole Arneson Bjørneskaret eigar. Ved auksjon i 1926 fekk *Ingeborg Smeby* skøyte, og selde i 1927 attende til Ole A. Bjørneskaret. Han åtte også Brakajordet 44/8 på Leirskoge 1916—27.

Ole Arneson Bjørneskaret f 1882, arbeidde på tresliperiet, g 1909 m *Berte Gunvaldsdotter Storsveløkken,* Finnhert 39/24, f 1884 d 1934. Barn:

1. Borghild f 1909 gm Sigmund Framnes.
2. Ingebjørg f 1911 d 1932.
3. *Åsmund* f 1914, neste brukar.
4. Gunvald f 1916 d 1939.
5. Anna f 1919 d 1956 gm Ingvald Meland, Kristiansand.
6. Ragna f 1922 gm Ola Mikkelsgård.
7. Oskar f 1925 gm Inger Kristiansen, busette i Oslo.

Åsmund Bjørneskaret f 1914, eigar frå 1947, gm *Anna Øyen,* Etnedal, f 1920. Barn:

1. Borgny Elena f 1944 gm Ole Sverre Krukhaug, Lesja, busette i Sarpsborg. Dei har bygt bustadhus på tomt frådelt i 1986.
2. *Ole Martin* f 1947, eigar frå 1974.

Brubakkin har 12 da. innmark. Våningshuset brann i 1940, og vart bygt opp att. Fjøs og låve er eldre. Ole Bjørneskaret flytta eit gamalt fjøs inn i låven. Det var krøter til 1970-åra.

Nørstebøen bnr. 68 og 69

Nørstebøen bnr. 69 vart utskild frå Sørbøen i 1947 på eit jordstykke makeskifta med prestegarden. Dette stykket var frå gamalt kalla *Prestegarden.*

Skogen, bnr. 68, vart utskild same år frå Kirkevoll bnr. 43. Nørstebøen vart oppbygd frå 1947 med våningshus og driftsbygning, og Anders og Grethe Nørstebøen flytta inn i 1950.

Anders Nørstebøen, Nordsinni, f 1912 gm *Grethe Sørbøen* f 1903. Barn:

1. *Oddne* f 1942, eigar frå 1981, gm Margaret Norman, Skoglund i Bagn, sjå Løvstad 39/133.
2. Arvid f 1945 gm Åse Strande, sjå Sørbøen 39/1.

Nørstebøen har 11 da. innmark og 500 da. skog. Til vanleg hadde Grethe og Anders Nørstebøen to kyr, og deretter sauer nokre år.

Løvstad bnr. 133

Bustadhus 1973/74 på tomt utskild frå Nørstebøen i 1973, bygt av *Oddne Nørstebøen* f 1942, kommunekasserar, gm *Margaret Norman,* Skoglund i Bagn, f 1945. Barn:

1. Kristine f 1969.
2. André f 1973.

London

Plassen London under Sørbøen, som låg like ovafor vesle Lonsberge, var ein av dei skralaste plassane i Øystre Bagn. No er plassen dels attvaksen. Husa, som er borte, var ein låve på stolpar, eit geitefjøs med kjellar og ei lita stugu med to rom.

Dei fyrste husmannsfolka me kjenner, er skulehaldar *Ola Dønhaug* gm *Tøren Gudbrandsdotter.* Dei er nemnde i London frå 1831. På ein stein på tunet hogg Ola inn: « Ole Skoleholder kom til London 1831.» Dei var i London i om lag sju år, fortel Olaus Islandsmoen, og bygde deretter opp Dønhaug 37/14, sjå der.

Nils Knutson Klosbøleige (Brøtin) f ca. 1806, bror til spelemannan «Brøtaguten», g 1833 m *Kari Olsdotter Juve* f ca. 1808, er nemnde i på Sørbøenseige frå 1834. Iallfall i 1850 var dei i London, og budde vel helst her heile tida. I 1865 var dei på Hundehengjun under øvre Jukam, og reiste sidan til Amerika. Barn:

1. Beret f 1834.
2. Knut f 1837 g 1866 m Gjartrud Hallvorsdotter Kjørum, Lykkja 13/29. Dei fekk i 1867 sonen Nils på Hengjun, og skal ha reist til Amerika.
3. Ola f 1840.
4. Hans f 1844 gm Olea Olsdotter Bøenshagin, sjå Høvshaugen.
5. Anders f 1846.
6. Ola f 1850.

Halldor Isakson Gubberud gm *Agnete Persdotter* frå Bruflat er nemnde i London 1864—72, og på Kyrkjebjørgmoe frå 1878, sjå der.

I 1865 hadde dei 1 ku, 2 sauer, og sådde 7 settingar bygg og 1 1/4 tønne poteter.

I 1875 var *Halldor Jeremiasson Flugubrøtin* gm *Kari Håkensdotter Rugbrøtin* husmannsfolk. Dei kom seinare til Leiteplassen 47/7 på Leirskoge, sjå der.

Saman med Halldor og Kari budde i 1875 som innerst *Berte Bjørnsdotter* f ca. 1840 i Nord-Aurdal. Berte fekk i 1874 sonen Ole Andreas med Anton Olson Berget. I folketeljinga 1875 er opplyst at mannen til Berte for ein del år sidan hadde reist frå henne og barn

til Amerika, og inntil våren 1875 ikkje late høyre frå seg, sjå Renna under Gastgjevarhauge.

Frå 1885 er *Knut Hallsteinson Kyrkjebjørghaugen* f 1847 d 1933 gm *Ingeborg Olsdotter* f ca. 1855 nemnde i London. Ingeborg vart 100 år. Knut og Ingeborg var dei siste som budde i London. Knut spadde åkeren med ein jarnskodd trespade. Om vinteren hogg han tømmer, og laga trekjørel om vårane. Ingeborg var bakstekjerring og «bekkjekjerring» — ho trødde tarmar i bekken når dei slakta. Knut og Ingeborg hadde geiter. Etter at Knut døydde, flytta Ingeborg og dottera Anna til ei stugu i Kleiven. Barn:

1. Hans f 1880 gm Ingebjørg Komperud.
2. Anne f 1882.
3. Anna f 1885 hadde dottera Aslaug Marie Borgersen som gifta seg med Torgeir Antonson Kristoffersplassen. Torgeir laga eit lite kraftverk som gav ljos til London.

Sørbøenseige

I 1877 fekk *Gunhild Nilsdotter Sørbøenseige* sonen Olaf Ingvald med *Gudbrand Olson Langedragslie.* Olaf Ingvald gifta seg med Inger Jakobsdotter Strømshaugen.

Nedre Bagn bruk III — Bagnsjordet

Den fyrste kjende brukaren på denne gardparten, *Hallvor Ivarson,* sjå også nedre Bagn, var i 1664 80 år og brukte 1 hud 1 1/2 skinn. Hallvor hadde iallfall sønene *Ivar,* neste brukar, og Sjugurd, sjå nedre Bagn bruk IV, som fekk bygselsetel frå faren på 2 huder odelsgods i Bagn i 1660.

I 1653 stemna Mattis Knutson Nyhus i Land, Ola Jørstad i Slidre og Hallvor Bagn Ivar Søreim med sysken og medarvingar for 3 1/2 laupsbol odelsjord i Søreim, som saksøkjarane meinte å ha rett til. Det vart vist til eit gamalt brev, datert Røn, fastelavenslaurdag 1575. Retten fastsette at alle interesserte som meinte å ha rett til godset det var strid om, skulle stemnast til åstaden for å føre vitna sine der.

Ivar Hallvorson f ca. 1615 d 1693 gm *Gudbjørg Embreksdotter* f ca. 1624 d 1703. Barn som me kjenner:

1. Guri (Guro) f ca. 1656 gm Ola Bjørnson Sørflate, sjå nedre Storøydgarden.
2. Anne f ca. 1657 gm Ola Jonson øvre Jukam.
3. *Hallvor* f ca. 1670, neste brukar.

Hallvor Ivarson f ca. 1670 d 1752 gm *Gjartrud Persdotter* f ca. 1667 d 1757. I 1703 selde Alv Trondson Leistrud og kona hans, Gunhild Sjugurdsdotter, 3 skinn i Bagn, som var arv etter foreldra, til syskenborna Hallvor Iverson Bagn og Trond Sjugurdson Bagn. I 1717 selde Ola Jonson øvre Jukam og kona Anne Ivarsdotter arveluten etter foreldra i Bagn til Hallvor for 10 rd. Barn:

1. Rannei f 1692 gm Ola Olson Skaratn, sjå Ure under nedre Bagn bruk III.
2. Gudbjørg f 1694 gm Pål Knutson Framgarden, sjå Framgarden bruk II.
3. Ivar f 1697.
4. Ivar f 1699 d 1706.

5. Barbro f 1702 g 1. m Harald Ellingson søre Torsrud, g 2. m Gudbrand Erikson Skjerstein.
6. Arne f 1705 d 1709.
7. Ivar f 1708 d 1709.
8. *Ivar* f 1710, neste brukar.
9. Anne f 1712 d 1718.

Ivar Hallvorson f 1710 d 1786 g 1733 m *Tora Tåmåsdotter Skar* f ca. 1713 d 1796. I 1731 fekk Ivar skøyte frå arvingane etter tanta Guri (Guro) Ivarsdotter på arven hennar i nedre Bagn. I 1749 fekk Ivar skøyte for 30 rd. frå verbrødrene Ola Olson Bagn, Pål Knutson Framgarden og Gudbrand Erikson Skjerstein, på vegner av konene sine, på arven i garden, 9 1/2 skinn, samt alt lausøyre og anna som foreldra måtte etterlata seg. Ivar hadde teke på seg livaure til foreldra og å syte for sømeleg gravferd. Barn:

1. Hallvor f 1733.
2. *Hallvor* f 1736, neste brukar.
3. Gjartrud f 1737 d 1738.
4. Tåmås f 1739 gm Ingrid Olsdotter Langedrag.
5. Siri f 1742 d 1743.
6. Ola f 1744.
7. Ellend f 1747 gm Ingebjørg Olsdotter Langedrag, sjå nørdre Leistrud 22/4.
8. Hallstein f 1750 d 1772.
9. Gjartrud f 1753 gm Ola Alvson midtre Leistrud.
10. Ivar f 1756 gm Ingebjørg Mikjelsdotter Bagn, sjå Sukke i Hedalen.

I 1758 stemna Ola Olson søre Torsrud, son til Ola Olson og Rannei Hallvorsdotter Ure, onkelen Ivar Hallvorson for å få underkjent skøytet på garden frå medarvingane i 1749. Ola Torsrud meinte at det ikkje hadde vore lovleg skifte etter morfaren sin, Hallvor Ivarson, far til Ivar. Saka var i alt oppe på tinget fem gonger, og dom fall i mars 1760.

Her vart det vist til at medarvingane til Ivar, deriblant far til Ola, hadde selt garden og lausøyret etter foreldra til Ivar, som skulle svara livaure. Nokon arv etter morfaren kunne då ikkje Ola Torsrud gjera krav på. Når det galdt spørsmålet om skøytet i 1749 var formelt gyldig, peika retten på at alle seljarane var myndige, og sjølve kunne ha avgjort om dei ville halde utførleg skifte eller ei. Medarvingane hadde valt å gje Ivar skøyte, som måtte oppfattast som lovleg heimelsbrev. Difor var Ivar frikjend, og garden skulle fylgje han som før.

I samband med saka mot Ivar hadde Ola Torsrud fått garden taksert, til 450 rd., i oktober 1757.

Hallvor Ivarson Bagn f 1736 d 1818 g 2. 1767 m *Gunhild Olsdotter nørdre Torsrud* f 1741 d 1830. Hallvor kjøpte i 1767 3 skinn i garden av faren for 200 rd., og i 1781 resten eller 6 1/2 skinn for 398 rd. Barn:

1. Tora f 1768 gm Mikjel Embrekson Høve, sjå Høve bruk II.
2. *Ivar* f 1769, neste brukar.
3. Tøren f 1773 gm Trond Mikjelson Bagn, sjå Bagnsbrøtin 39/17.
4. Gjartrud f 1775 gm Knut Arneson Bagn, sjå nedre Roo 15/1.

Hallvor Ivarson selde i 1795 for 900 rd. til sonen *Ivar Hallvorson Bagn* f 1769 d 1841 g 1. 1798 m *Dordi Embreksdotter Høve,* Høve bruk II, f 1777 d 1814. Ved skiftet etter Dordi i 1814 var bruttoeiga 1730 rbd. og netto-

eiga 1439 rbd. Ivar og Dordi fekk åtte barn, men berre ei jente levde opp:

1. Eit heimedøpt barn f 1798 eller -99.
2. Gunhild f 1800 d 1810.
3. Hallvor f 1803 d 1810.
4. Gjartrud f 1805 d 1810.
5. Embrek f 1808 d 1809.
6. Tora truleg f 1809 d 1810.
7. Gunhild f 1811 gm Knut Knutson Bagn, sjå nørdre Bagnsjordet 39/13.
8. Hallvor f 1814 d 1814.

Ivar Hallvorson g 2. 1814 m *Kari Sjugurdsdotter Ølmhus* f 1792 d 1818. Ved skiftet etter Kari i 1818 var bruttoeiga 478 spd. og nettoeiga 297 spd. Barn:

Anne f 1817 gm Ola Olson Klosbøle.

Ivar Hallvorson g 3. 1819 m *Tora Olsdotter Bagn,* Sørbøen 39/1, f 1800 d 1861. Ved skiftet etter Ivar Hallvorson i 1841 var bruttoeiga 680 spd. og nettoeiga 591 spd. Barn:

1. Kari f 1820 gm Arne Erikson øvre Koparvike.
2. Marit f 1823 gm Hans Eivindson Ølmhusplassen, til Amerika 1853.
3. *Hallvor* f 1826, neste eigar, gm Marit Olsdotter Hølerseterhaugen, til Amerika 1853.
4. Tora f 1830, til Amerika 1868.
5. Ola f 1833, til Amerika 1853. I 1852 fekk Ola sonen Iver d 1857 på Iljanstadhauge med Anne Haraldsdotter Iljanstad.
6. Anne f 1841 d 1904, til Amerika 1866.

I 1830 selde Ivar Hallvorson halve garden til versonen Knut Knutson for 300 rd.

Med i salet var innreiinga i den nørdre stugu: tre skåp og tre sengestader, halvdelen i ei harv med jarntinner og halvdelen i sagreiskapen eller 1/8 av heile saga.

Etter skylddelinga i oktober 1831 skulle Ivar Hallvorson eige nord for ei line med oppsette merkesteinar og Knut Knutson ha det som låg sønnafor. Dei skulle ha kvar sin del av husa. Skylda for båe partane vart 4 1/2 skinn.

Det gamle tunet låg bratt til øvst i jordet, der nørdre Jordet no er. Ca. 1855 vart tunet på Ivar Hallvorson sin part flytta ned på *Flatåkere,* eit jordstykke nedst i jordet. Denne garden er difor i daglegtale kalla Flatåker. Knut Knutson sin part vart nørdre Bagnsjordet, i motsetnad til grannegarden i sør, søre Bagnsjordet.

Til Bagnsjordet høyrde før delinga vårsetra Kroken, no Granum, haustsetra Hallvorsetre, som låg rett opp for Breidablikk, høgre opp enn Kroken, og sumarsetra Preststølen ved inngangen til Bjødale. Setrane, skogen og dei fire husmannsplassane Bagnsbakkatn, Berget, Lykkja og Lie vart delte ved kontrakt i 1849.

Flatåker (Bagnsjordet) bnr. 7

På skiftet etter Ivar Hallvorson fekk sonen *Hallvor Ivarson* skøyte i 1842.

I 1848 selde Hallvor til *Svein Olson Sørbøen* f 1819 d 1886 g 1848 m *Ingebjørg Gunnarsdotter øvre Jukam* f 1823 d 1916. Barn:

Svein Olson Flatåker frå Sørbøen f 1819 og kona Ingebjørg Gunnarsdotter f øvre Jukam 1823 med barna Svend og Inger. Inger gifta seg til Helmen på Hadeland.

1. Marit f 1849 d 1924 fekk i 1879 sonen Elling med sersjant Ole Erikson Thorsrud.
2. Siri f 1850 d 1851.
3. Ole f 1852 gm Tonetta Kristoffersdotter Eid.
4. Gunnar f 1853 gm Louise Olsdotter Finden. Dei bygde og dreiv Fjellheim hotell ved Storebruføssen, sjå Fjellheim i Bagn.
5. Ole f 1855, urmakar, til Amerika 1879, kom seinare attende. Gm Karoline Fredriksen, busette på Gran.
6. Siri f 1858 d 1930.
7. Svend f 1860 d 1862.
8. Svend f 1862 d 1863.
9. *Svend* f 1864, neste brukar.
10. Inger f 1866 d 1940 gm Iver Helmen, Gran.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 19 mål svært god åker og dyrka eng, 21 mål svært godt slåtteland, frå setrar og utmark kom 28 skippund høy, hamninga var ikkje tilstrekkeleg, 4 tylfter grantømmer kunne hoggast for sal, og dei lauva 400 kjerv. I 1865 hadde dei 2 hestar, 7 naut, 10 sauer, 3 grisar, og sådde 3 settingar rug, 1 tønne bygg, 2 1/2 tønner blandkorn, 2 settingar erter og 5 tønner poteter.

I 1886 selde Ingebjørg Gunnarsdotter til sonen *Svend Svendson Bang* f 1864 d 1929 g 1899 m *Anne Katrine Olsdotter Strømmen* f 1873 d 1931. Barn:

1. *Sverre* f 1900, neste brukar.
2. Ola f 1901 gm Torbjørg Kløvrud.
3. Gunnar f 1903 d 1908.
4. Ingeborg f 1904 gm Elling Wold, sjå nørdre Vøll 31/1.

Svend Svendson Bang f 1864 og kona Anne Katrine Olsdotter f Strømmen 1873 på Flatåker.

I 1933 fekk *Ola Bang* auksjonsskøyte, og overførte garden i 1935 til *Svein Halle Bang*, son til broren Sverre. Sverre Bang var brukar frå 1933 til Svein Halle tok over i 1970.

Sverre S. Bang f 1900 d 1975 g 1932 m *Gudrun Halvorsdotter Stavedal,* Dønhaug 37/14, f 1903. Barn:

1. *Svein Halle* f 1934, neste brukar.
2. Astrid Synnøve f 1936 gm Odd Willumsen, busette i Hønefoss.
3. Harald f 1937 gm Haldis Eikrem, busette i Oslo.

Svein Halle Bang f 1934 gm *Geirtrud Marie Liv Bakken,* nørdre Hesthagin 34/4, f 1936. Barn:

1. Sissel f 1962 gm Steinar Øimoen, Solbakken 10/18 i Reinli.
2. Dagrun f 1965.
3. Runa Solbjørg f 1967.

Flatåker har 36 da. innmark, av det ca. 30 da. dyrka jord, og 700 da. skog og utmark, av det ca. 600 da. produktiv skog. I 1975 vart drifta omlagd frå mjølke- til kjøtproduksjon med fôringsdyr. Ei tid og til ca. 1951 var det også drive med pelsdyr.

Den gamle bygningen, som skal ha stått på Gastgjevarhauge, vart flytta ned frå det eldste tunet ca. 1855 og riven i 1946. I andre høgda var ein stor, kvitmåla sal. Bak eit roskåp vart avdekka ein dekorasjon med bibelske motiv. Liknande motiv fanst på døra til salen. Det nye våningshuset er frå 1946 og driftsbygningen frå 1926. Stabburet stod før på det gamle tunet.

Flatåker har halvparten av den gamle haustsetra Hallvorsetre og heile den gamle sumersetra Preststølen på Veståse. Namnet Preststølen er sagt å koma av at presten kvilte her på veg til Hedalen i gamal tid. Her var seterdrift til byrjinga av 1970-åra. Fire-fem gardar hadde krøtera sine på Preststøle med leigd budeie.

På Preststøle var det mykje haugafolk. Svein Olson Bang var plaga av at krøtera vart løyste på båsen. Ein gong vart han beden med inn i haugen under fjøset av ein haugakall. Det enda med at Svein flytta alle husa på setra, og til det fekk han hjelp av haugafolket. Alle historiene om haugafolk gjorde det vanskeleg å få budeie på Preststøle. Heilt til etter krigen vart det sett stål over små barn, t.d. kniv i veggen, for å verne dei.

Kring 1860 kjøpte Svein Olson ei sag som låg i Kvednelven ovafor Breidablikk, av Knut i Sveen. Flatåker hadde også del i ei sag som låg lengre ned, og hadde kvernrett i elva.

I 1890-åra vart det starta med køyring og transport. Mesteparten av køyringa var persontransport med kalesjevogn i samband med Breidablikk Sanatorium. Til dette vart brukt to-spanns kalesjevogner, som kravde nokså stort hestehald på garden. Det vart også drive vare- og postkøyring med hest. Seinare var brukt motorsykkel til å transportere lege og handelsreisande. Om vinteren vart det hengt slede etter motorsykkelen. I 1928 vart det kjøpt bil til køyringa.

Soltun bnr. 62

Bustadtomta Soltun vart utskilt frå Flatåker i 1935, og selde same år til Magnus Kleven, son til *Anders Kleven* gm *Olava Nerødegård,* sjå Klevenberg i Bagn. Anders Kleven bygde opp staden.

Soltun har vore heimen til *Magnus Kleven* f 1908, reisesekretær i Indremi-

sjonen, og kona *Judith Vestby,* Skien, f 1912, ekspeditrise i Bagn.

Ny eigar frå 1984 er *Arvid Odden* f 1931, sjå Dalborg 39/39.

Bagnslykkja bnr. 9

Bagnslykkja, i daglegtale Lykkja, er fyrste gong nemnd i oktober 1783. Då fekk Anders Arneson Torsrud og kona Anne Amundsdotter kontrakt av Hallvor Ivarson Bagn på å bruke, byggje og arbeide på engelandet *Kristaferslykkja.*

Anders og Anne vart overlatne plassen på levetid. Dei fyrste seks åra — medan plassen kravde stor innsats i ryddings- og byggingsarbeidet — skulle leiga vera 3 rd. årleg, sidan 4 rd. Ved ei synfaring i 1800 heiter det at Lykkja har fleire dels oppryddа og dels inngjerda jordstykke, nokre for meir og nokre for mindre enn 20 år sidan.

Anders Arneson Torsrudeige, Torsrudkamben 30/21, f 1748 d 1830 g 1782 m *Anne Amundsdotter Smedsrud* f 1749 d 1821. Barn:

1. Arne f 1783.
2. *Amund* f 1785, neste husmann.
3. Anne f 1788 gm Ola Amundson Erstad, sjå Vøllseige.
4. Gunhild f 1792 gm Knut Knutson Bagnseige, sjå Brubakklykkja 39/22.

Amund Andersson Lykkja f 1785 d 1855 g 1810 m *Barbro Olsdotter Rud* f 1782 d 1870. Barn:

1. Anne f 1811 d 1833.
2. Anne f 1815 gm Ola Knutson Skinnrud, sjå Berget under nørdre Bagnsjorde.
3. *Anders* f 1819, neste brukar.
4. Olea f 1826 gm Ola Knutson Milevasslie.

I 1917 opplyste verdottera til Amund og Barbro, Astrid Olsdotter Tronrud, at under brukstida til Amund var husa i Lykkjun ei stugu med to rom og eldstad i det eine, ein låve og fôrhus, ein stall og fjøs med grisebinge til ein gris, og ei badstugu med to hjellar. Amund tok ned badstugu. Mannen til Astrid, Anders, oppførte seinare skåle, eldhus, våningshus med to rom og loft oppå og stabbur.

I 1848 vart Bagnslykkja utskild frå Flatåker, og seld i 1849 til *Anders Andersson Lykkja* f 1819 d 1891 g 1856 m *Astrid Olsdotter søre Tronrud* f 1831 d 1924. Frå Lykkjun flytta dei til Midtlie under Langedrag. Barn:

1. Barbro f 1857.
2. Anton f 1857, tvilling med Barbro, gm Marit Olsdotter Tåmåsbråtin.
3. Karine f 1859 gm Syver Ellingson Kvålsrødningen, sjå nedre Skinnrud 9/6.
4. Ole f 1861.
5. Andreas f 1864.
6. Anders f 1868.
7. Martin f 1873, til Amerika.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 6 mål noko vassjuk åker og dyrka eng, 20 mål vanleg slåtteland, frå Dale kom 2 skippund høy, hamninga var nokolunde tilstrekkeleg, og dei lauva 400 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 5 naut, 7 sauer, 6 geiter, og sådde 1 1/2 setting rug, 14 settingar bygg, 1 tønne blandkorn og 3 tønner poteter.

I 1870 selde Anders Amundson til *Ola Knutson Bagnssvee* f 1833 d 1924

gm *Marit Olsdotter søre Bagnsjordet* f 1838. Barn:

1. *Tonette* f 1858, sjå nedafor.
2. Marit f 1861.
3. Marit f 1863 gm Hans Erlandson Fossheim, sjå Fossheim i Bagn.
4. Siri f 1865 d 1866.
5. Ole f 1873 — elektrikar Ole Løkken, sjå Dalborg 39/39. Ole Løkken var formann i Kristiania då den elektriske sporvegen skulle byggjast i 1893. Han bygde ei rekkje kraftverk i Valdres, Hallingdal og Land.
6. Knut f 1878.
7. Martin f 1879.

Ved folketeljinga i 1900 budde også dottera *Tonette* f 1858 med barna sine i Lykkjun. Tonette var gm *Arne Arneson Brakajordet* f 1856. Han var i 1900 bademeister på Tonsåsen Sanatorium. Dei reiste til Biri, seinare til Amerika. Barn:

1. Marit f 1880.
2. Maren f 1882.
3. Arne f 1884.
4. Ole f 1887.
5. Anna Maria f 1889.
6. Sigrid f 1891.
7. Jørand f 1893.
8. Magnhild f 1896.
9. Åsta f 1896, tvilling med Magnhild.

I 1912 selde Ole Knutson til Johan Jeremiasson Hulvegen. Ola Knutson tok unna nedre Skogstad, seinare Dalborg, bnr. 39, som vart utskild frå Lykkjun i 1912.

Johan Jeremiasson Hulvegen f 1884 d 1966 gm *Marit Olsdotter Sveen,* Bruflat, f 1879 d 1954. Johan Hulvegen var tømmermann og byggmeister. Han hadde bensinmotor og sag på byggjeplassane som han skar materialar med. I mange år var han medlem av heradsstyret Barn:.

1. Solveig f 1911 d 1921.
2. *Ottar* f 1914, neste eigar.
3. Magnhild Jørunn f 1916 gm Thorleif Døvre, Skrautvål.
4. Aslaug f 1918.
5. Gjermund f 1920.
6. *Sigurd* f 1922, eigar etter Ottar.

I 1937 fekk *Ottar Løkken* f 1914 auksjonsskøyte. Han var skoten av tyskarane i 1940.

Sigurd Løkken f 1922 gm *Marit Hognemoen,* Land, f 1920. Dei bygde bustadhuset Solberg bnr. 72 på tomt utskild frå Lykkjun i 1949. Her har Sigurd også ei sag. Far hans, Johan Hulvegen, laga sagbenk. Barn:

1. Else Marie f 1947 gm Bjørn Rua, Oslo.
2. Liv f 1948.
3. *Per* f 1950, neste eigar.

Per Løkken f 1950, eigar frå 1979, gm *Gunvor Martinsen,* Leirfjorden, Helgeland, f 1952. Barn:

1. Anja f 1973.
2. Jørn Sigurd f 1976.

Lykkja har 22 da. innmark og 100 da. skog. Det lafta våningshuset, bygt av Johan Hulvegen, vart ferdig i 1933. Låven er frå før 1912. Til vanleg hadde dei tre kyr og hest.

I 1940 kom ein tysk patrulje til Lykkja, der folka på bruket og andre hadde gøymt seg i kjellaren. Tyskarane skaut og spreng-

de seg veg inn, og alle måtte ut. Johan Hulvegen vart skoten gjennom hofta, sonen Ottar og Ivar Framnes vart skotne og døydde straks, og sonen Sigurd skoten gjennom underlivet, men operert på Hønefoss og overlevde.

Dalborg bnr. 39

Dalborg, opphavleg nedre Skogstad, vart utskild frå Bagnslykkjun i 1912. Ein mindre part, Skogstad bnr. 36, vart kjøpt same år frå nørdre Jorde. Namnet vart endra til Dalborg i 1933.

Ole Knutson Løkken hadde heimel på Dalborg etter at han selde Bagnslykkja i 1912. Sonen, elektrikar *Ole Løkken* f 1873 og kona *Kristiane* bygde opp staden i 1912/13. Byggmeister var Johan J. Hulvegen. Ole og Kristiane Løkken flytta sidan til Fagernes. Barn:

1. Kristian.
2. Rolf.

I 1924 selde Ole Knutson til lærar og kyrkjesongar *Ole Olson Thorsrud,* nørdre Gubberud 37/7, f 1859 d 1940 g 1887 m *Guri Mikkelsdotter Sørbøen* f 1862 d 1920. Barn:

1. Aasta f 1888 d 1894.
2. Ottar f 1889 d 1909 av tæring straks før studenteksamen.
3. Kari f 1891 d 1907.
4. Magne f 1894 d 1913.
5. Aasta f 1897 d 1907.
6. Egil f 1899 d 1910.
7. Maalfrid f 1903.
8. Oddgeir f 1907 d 1931.

Dei fyrste sju åra var Ole Thorsrud lærar i Leirskogen og Dølve krinsar, deretter var han tolv år ved den nyoppretta Torshaug skule i Vestre Bagn. Samstundes i desse 20 åra var han organist i Bagn kyrkje, der han hadde avløyst faren som i si tid hadde teke over som organist etter far sin, Ola O. Thorsrud, den fyrste organisten i Bagn. I 1899 overtok han lærarstillinga i Bagn og Kyrkjebjørgo krinsar og kyrkjesongarposten i Bagn.

Ole Thorsrud hadde vide interesser, ikkje minst historiske, og opparbeidde ei stor og verdfull boksamling. Denne er no på Valdres Folkemuseum. Han var den fyrste som tok opp tanken om eit historielag i Valdres, og saman med direktør Ødegaard

Ole O. Thorsrud f 1859 d 1940. Som lærar i Sør-Aurdal i 48 år og gjennom utretteleg virke for viktige saker i tida vann Ole Thorsrud ein grunnfesta posisjon i og utanfor heimbygda. Lærarutdanninga fekk han på Asker stiftsseminar i 1870-åra, ei tid då bjørnsonske ideal prega ungdomar med opne sinn. Ole Thorsrud var tro mot ideala frå ungdomen. Den nasjonale tone klang gjennom alt han føretok seg, i skulestova, heimane, på lærarmøte og stemne elles.

Guri Mikkelsdotter Thorsrud f. Sørbøen 1862, gift med Ole Thorsrud.

ein av dei fyrste som talte for å opprettte Valdres Folkemuseum. I arbeidet for ideelle saker som misjonssak, ungdomssak, avholdssak m.v. vart han mykje nytta som talar og foredragshaldar. Han gjekk med kjelke og lysbileteapparat over heile Valdres og heldt foredrag.

På årsmøtet i Oppland fylkeslærarlag i 1927, same år han hadde gått av som lærar, heldt Ole Thorsrud foredrag over emnet: Har skulen bore dei frukter ein kunne ynskje? Her la han fram sitt pedagogiske testamente: «Lær barnet å ete ikkje berre av kunnskapstreet, men òg av livstreet.» (Kjelder her og til biletteksten om Ole Thorsrud er særleg Valdres 26.6., 28.6. og 15.9.1927.)

I 1936 selde Ole Thorsrud til dottera *Maalfrid Thorsrud* f 1903, som i 1947 selde til syskenbarnet sitt og mannen hennar, *Kjersti Johansdotter Gubberud,* nørdre Gubberud 37/7, f 1904 gm *Jesper Olafson Odden,* Bagnsbergatn 37/1, f 1902. Jesper Odden arbeidde på Storebrofoss Tresliperi. Barn:

1. Gudrun Bergljot f 1923 d ung.
2. Ottar f 1925 gm Arnbjørg Kløvstad, sjå Haugtun 37/56.
3. Harald f 1927 gm Jorunn Sølvberg, Nordfjord, sjå Fagerlund 39/49.
4. Bjarne f 1929 gm Hjørdis Hesjadalen, Hølera. Dei bygde Fagerlund 37/49, og flytta sist i 1950-åra til Hønefoss.
5. Arvid f 1931 gm Ingrid Hovatn, Froland.
6. Astrid f 1938 gm Truls Larsen, Hønefoss.
7. Gerd f 1945 gm Steinar Dalen, Hønefoss.

Til Dalborg høyrer 40 da. innmark, av det 10 da. på Dalborg, og 250 da. skog. Kjersti og Jesper Odden hadde krøter til 1976. Ole Thorsrud hadde setra Høvssetre på Veståse, som vart seld til nedre Torsrud 30/2. Seinare har Dalborg hatt Ellingsetre ved Bøve, som har kome frå Gubberud.

Bagnslie

Bagnslie, i førre hundreåret også nemnd som *Lisbetlie,* låg oppe i lia, sør for Bagnsbakko. Staden var inngjerda til nokre år sidan, men er no utlagd til skog. Hustomtene syner. Ved ei synfaring i 1800 er det opplyst at Lie vart inngjerda for om lag åtte år sidan av mark som før låg under fefot.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Knut Mikjelson Tronhus,* Storsvee, f 1765 d 1843 g 1787 m *Anne Olsdotter*

Bagn, Bagnsøydgardseige, f 1764 d 1833 i Lien under Bagn. Dei er nemnde på Tronhuseige 1788, -92, og -94, men på Bagn 1790 og på Bagnseige 1791 og seinare. Barn:

1. Ola f 1788.
2. Lisbet f 1790 d 1790.
3. Mikjel f 1791 d før 1801.
4. Lisbet f 1792.
5. Lisbet (Elisabet) f 1794 gm Ola Olson Framgardseige, sjå Møldbakkin 13/62.
6. Marit f 1797 d 1797.
7. Mikjel f 1797, tvilling med Marit, d 1797.
8. Mikjel f 1799.
9. Mikjel f 1801 d 1810.
10. Marit f 1805 gm Embrek Håvårdson Framgardseige.
11. Gunhild f 1808 d 1809.
12. Gunhild f 1810 gm Mikjel Olson Sørflatseige, sjå Rundbrøtin 27/3.

Ola Trondson Bagnseige, Brubakklykkja 39/22, f 1794 g 1826 m *Tøren Hallvorsdotter Tollevsrud,* Enga 72/5, f 1797, er nemnde på Bagnseige 1827, på søre Langøydgardseige 1828, -30 og -33, og i Bagnslien 1835 og -43. Dei var også husmannsfolk i Bagnslien i 1865. Barn:

1. Trond f 1827 g 1861 m Beret Knutsdotter Storøydgarden, Milevasslie 41/9. Dei var i Lien 1862 og -63, i Leiteplasse på Leirskoge 1865 og -66, og reiste til Amerika i 1867. Barn: Ole f 1862, Tonette f 1863 og Marit f 1866.
2. Ingrid f 1828.
3. Hallvor f 1830 gm Kari Larsdotter Klauvstad, til Amerika 1857.
4. Ola f 1833, til Amerika 1866.
5. Sjugurd f 1835 gm Siri Gudbrandsdotter.
6. Siri f 1843.

I 1865 hadde Ola og Tøren 3 naut, 3 sauer, 2 geiter, og sådde 5 settingar bygg, 15 settingar blandkorn og 1 1/2 tønne poteter.

I 1875 stod Lie tom, men i 1876 er *Arne Olson Bjødnaskaret* gm *Ingebjørg Andersdotter Langedragslien* nemnde der, sjå Bjødnaskaret 47/9.

I april 1879 fekk *Erik Olson Komperud* husmannskontrakt av Svend Olson Flatåker på Lie for fem år. Det er ikkje kjent kor lenge Erik var i Bagnslien.

Av leiga på 15 spd. eller 60 kroner skulle noko svarast i arbeid: 18 dagar slått, 12 dagar haust- og 12 dagar vårarbeid, 5 mål skur og 10 1/2 dagar vinterarbeid.

I 1880 er *Knut Halsteinson* og *Ingebjørg Olsdotter* nemnde, anten dei no budde der saman med Erik eller leigde plassen åleine. Knut og Ingebjørg flytta til London, sjå der.

I mai 1887 fekk *Ellend Jeremiasson Prestegardseige* gm *Helene Hansdotter,* sjå Plassen 38/8, husmannskontrakt i eitt år.

Leiga skulle vera 48 kroner: 23 kroner skulle betalast med arbeid, og resten på 25 kroner i pengar. Arbeidet var 3 dagar vårarbeid, 10 dagar slått, 6 dagar haustarbeid, 3 mål skur og 13 dagar vinterarbeid.

Nørdre Bagnsjordet bnr.12

Nørdre Bagnsjordet, i daglegtale nørdre Jordet, er den øvre delen av det gamle Bagnsjordet som vart delt ved

Frå nørdre Bagnsjordet. Iver Jordet og kona Ingebjørg har kome heim frå Amerika i 1910. Frå venstre foran: Gunhild Sørboen, Inger Andersdotter f Byfellie 1841, mannen Ola Knutson Jordet f 1839 og Gjertrud Iversen. Bak frå venstre: Ingebjørg Jordet, Iver Jordet, Knut Jordet, Klara Furuseth, Ole Sørboen, Anders Jordet, Petra Jordet og Anne Aamodt.

skylddeling i 1831, sjå nedre Bagn bruk III om delinga.

I 1830 selde Ivar Hallvorson Bagnsjordet halve garden for 300 spd. til versonen *Knut Knutson Bagn*, nørdre Dølve, f 1801 d 1885 g 1829 m *Gunhild Ivarsdotter Bagn*, nedre Bagn bruk III, f 1811 d 1887. Barn:

1. Knut f 1830, til Amerika 1857.
2. Dordi f 1832.
3. Marit f 1834.
4. Ivar f 1836, til Amerika 1857.
5. *Ola* f 1839, neste brukar.
6. Ola f 1841 d 1841.
7. Hallvor f 1842, til Amerika 1861.
8. Gunhild f 1844 d 1850.
9. Kari f 1846.
10. Martin f 1849.
11. Engebret f 1852, til Amerika 1870.

Knut Knutson selde i 1864 for 500 spd. til sonen *Ola Knutson* f 1839 d 1930 g 1864 m *Inger Andersdotter Byfellie* f 1841 d 1940. Ho tykte det var langt å flytja frå Etnedal til Bagn då ho gifta seg. Inger var ung, og foreldra hadde avgjort giftarmålet. Til nørdre Jordet kom ho med hest og sal, fire kyr, og på flotningslasset var m.a. to dragkister og eit skatoll. Barn:

1. Knut f 1865.
2. Gunhild f 1867 g 1. m Knut Aslakson Sørboen, g 2. m Ole Olson Spangrud eller Dal, sjå båe gonger Sørboen 39/1.

3. Anders f 1869 gm Petronelle Dagfinnsdotter Taraldsrud, Biri, sjå Brubakkin 39/23.
4. Gjertrud f 1874 gm Anders Iversen, Aremark, sjå Berg 39/52.
5. *Anne* f 1877, neste brukar.
6. *Iver* f 1880, til Amerika, eigar nokre år.
7. Ole f 1884 d 1886.
8. Klara f 1892 gm Johan Hansen Furuseth, Toten.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 25 mål svært god åker og dyrka eng, 20 mål svært godt slåtteland, frå Ølnessetren, Hallvorsetren og Kroke kom 32 skippund høy, hamninga var neppe tilstrekkeleg, 6 tylfter grantømmer kunne hoggast for sal, dei lauva 800 kjerv, og garden vart vurdert som lettbrukt. I 1865 hadde dei 1 hest, 10 naut, 16 sauer, 2 grisar, og sådde 3 settingar rug, 2 tønner bygg, 3 tønner blandkorn, 2 settingar erter og 10 tønner poteter.

I 1906 selde Ola Knutson Jordet til versonen *Oskar Julius Johanson Aamodt,* Nord-Torpa, f 1876 d 1914 g 1906 m *Anne Olsdotter Jordet* f 1877 d 1934. Barn:

Oskar Andreas f 1914, brukar frå 1940.

I 1911 selde Oskar J. Aamodt til verbroren *Iver Olson Jordet* f 1880, som var heime frå Amerika og dreiv garden nokre år. Iver reiste til Amerika igjen, og faren Ole Knutson selde i 1918, etter fullmakt frå Iver, til versonen *Ole Olson Sørbøen.* Ole Sørbøen svara livaure til verforeldra Ole og Inger, som budde i nørdre Jorde.

I 1940 overtok sonen til Oskar Julius og Anne Aamodt, *Oskar Andreas Aamodt* f 1914 gm *Inger Dokken,* Granum 39/45, f 1913. Barn:

Ole Hermann f 1944, neste eigar.

Ole Hermann Aamodt f 1944, eigar frå 1983, rådmann i Sør-Aurdal, gm *Anne Lise Sørum,* Grønnvoll i Bagn, f 1944. Barn:

1. Roar f 1965.
2. Inger Lise f 1969.

Nørdre Jordet har 30 da. innmark og 689 da. skog og utmark. Ved frådelinga av Kirkevoll bnr. 43 i 1914, som m.a. omfatta Urejordet, og som vart seld til Sørbøen i 1915, vart garden noko redusert. Namn i innmarka er *Sveinsroe, Stuguåker'n, Storåker'n* og *Låveåker'n.*

Det gamle tunet i Bagnsjorde, før Flatåker bygde nytt tun lengre ned ca. 1855, stod litt opp for stabburet i nørdre Jorde. Den nørdre delen av bygningen, opphavleg i ei høgd, stod på det gamle tunet. Seinare vart bygningen påbygd til to høgder. Eit stort restaureringsarbeid var gjort i 1946. I 1975 vart det sett opp eit tilbygg og den andre høgda omgjort. Det gamle stabburet var opphavleg i to delar. Driftsbygningen brann i 1940, og nytt uthus vart bygt same år. Gamle hus som er rivne er smiu og eldhus i eitt, stall og grisehus samt låve. Badstugu vart flytta.

Ved delinga av setrane i 1849 fekk nørdre Jordet vårsetra Kroken og søre delen av haustsetra Hallvorsetre, rett opp for Breidablikk.

Ola Knutson Jordet og Oskar Julius Aamodt køyrde Lærdalsruta mellom

Sørum og Lærdal. Oskar Aamodt har også drive med bærdyrking.

Aspholt bnr. 37

Dette arealet, utskilt frå nørdre Jorde i 1911, vart før i tida nytta til hamne og overnattingsstad for fedrifter på veg utetter dalen. Bustadhuset frå 1987/88 er bygt av *Kjell Harald Stavedal* f 1957 gm *Sissel Bråten* f 1958. Barn:

Nicoline f 1985.

Sagstugu bnr. 26

I Sagstugun, som har namn etter ei sag i Kvednelven nedafor, budde i 1891 *Marit Olsdotter*, enkje etter Erik Olson, sjå Brøtin under Gastgjevarhauge, med tre barn. Marit døydde i Sagstugun i 1894.

I 1898 og 1900 er *Hans Evensen* gm *Jørgine Olsdotter* nemnde her, sjå «Vassington» på Bagnsmoe.

I 1902 vart Sagstugu utskild saman med Saglykkja bnr. 27 frå nørdre Bagnsjorde, og seld same år til *Martin Amundson Dønhaug,* Brue under Ellendshauge, f 1872 d 1919 i Sagstugun g 1901 m *Guri Mikkelsdotter Tollevsrudplassen,* Lia under Tollevsrud, f 1854.

Guri Mikkelsdotter, som ei tid budde i Lønnum saman med mora og stefaren, hadde sonen *Gerhard Anton Johanson* f 1884, som skreiv seg Lønnum. Gerhard fekk skøyte av Guri i 1921. Gerhard Anton var sliperiarbeidar og murar, gm *Karoline Johanne Hermansen,* Drammen. Barn:

1. *Magnus Alfred* f 1911, neste eigar.
2. Gunnar Johan f 1913 gm Gudrun Kløvstad, Fluberg.
3. Gudrun Elisabeth f 1919.
4. Sverre Kristian f 1921 gm Olga Hafsten, Råde.
5. Rolf Dagfinn f 1924.

Magnus Alfred Lønnum f 1911 overtok i midten av 1960-åra, gm *Ragna Moen,* Åsebygde, f 1916. Barn:

1. Erland Georg f 1938 gm Jorunn Hjelle, Aurdal.
2. Jenny Margot f 1941.

Granum bnr. 45

Granum, opphavleg heimsetra Kroken til nørdre Jordet, vart utskild frå Kirkevoll i 1916, som i 1914 var utskild frå nørdre Jorde.

I 1917 selde Ole Sørbøen staden til *Herman Hansson Dokken,* Sørflatdokke 27/10, f 1883 d 1949, som arbeidde i skogen til nørdre Jordet, g 1912 m *Gunhild Andrea Arnesdotter Klevgårdsveene* (Skålerud), Etnedal, f 1882 d 1968. Herman Dokken bygde husa. Barn:

1. *Ingebjørg* f 1912, eigar frå 1967.
2. Inger f 1913 gm Oskar Andreas Aamodt, sjå nørdre Bagnsjordet 39/12.
3. Helga f 1915 gm Kristian Hovda, Etnedal.

Eigar frå 1983 er *Roar Aamodt,* nørdre Bagnsjordet 39/12, f 1965.

Granlund bnr. 134

Bustadhus 1975 på tomt utskild frå Granum, bygt av *Arvid Kløvstad* f 1954 gm *Eva Nybråten,* Finnhert 39/24, f 1949. Barn:

1. Steinar f 1975.
2. Elin f 1980.

Bagnsbakkatn

Tett på nordsida av vegen til Tonsåsen, nedafor Breidablikk og Trøllknatte, låg Bagnsbakkatn. Plassen vart onna ei tid etter at han var fråflytta, men deretter utlagd til skog. Nå står ei lyu her. I 1929 vart staden utskild frå Kirkevoll bnr. 43 som bnr. 61, og seld til Olav O. Sørbøen.

Dei fyrste husmannsfolka var *Hallvor Trondson Bagn,* Bagnsbrøtin 39/17, f 1797 d 1869 g 1825 m *Kari Hallvorsdotter Tollevsrud,* Enga 72/5, f 1796 d 1860. Hallvor var systerson til Ivar Hallvorson i Bagnsjorde, som let Hallvor rydde seg inn i Bagnsbakko. Både Hallvor og Kari døydde her. Barn:

1. Tøren f 1826.
2. Trond f 1829 d 1837.
3. Siri f 1831 gm Kristafer Amundson Fjell.
4. *Hallvor* f 1834, neste husmann.
5. Ola f 1837 fekk i 1861 dottera Marit med Marit Johannesdotter Biribakkin, og reiste til Amerika i 1866.

Husmannsfolk i 1865 var *Hallvor Hallvorson* f 1834 g 1825 m *Ragnhild Guttormsdotter Koparvikbrenne,* øvre Dølvesbrenne 48/14, f 1837. Dei fekk i 1865 sonen Halvor, og reiste til Amerika i 1866.

I 1865 hadde dei 3 naut, 6 sauer, og sådde 5 settingar bygg, 1 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

Neste husmannsfolk var *Hallvor Olson Vabrøtin* f 1839 d 1870 i Bagnsbakko g 1865 m *Kristine Olsdotter Dalen,* Dalen 41/5, f 1840 d 1927. Barn:

1. Ole f 1866 gm Sigrid Olsdotter Gubberud, sjå Dølvesmarke 48/4.
2. Ole f 1868.

Kristine Olsdotter g 2. 1873 m *Ivar Jeremiasson Plassen* f 1845 d 1925. Barn:

1. Inger Marie f 1873 d 1877.
2. Halvor f 1876, til Amerika.
3. Johan f 1878, til Amerika.
4. *Inger Maria* f 1880 budde i Bagnsbakko etter foreldra til ca. 1930, og var den siste som budde her. Inger arbeidde for folk i bygda, og bakte flatbrød kring på gardane.
5. Anne f 1882 gm Thorvald Larsen, Nes i Ådal, sjå Plassen 38/8.

Berg (før Berget) bnr. 52

Dei fyrste kjende husmannsfolka på Berge er *Knut Knutson Bagnseige* f ca. 1792 d 1869 g 1816 m *Gunhild Andersdotter Bagnseige,* Bagnslykkja 39/9, f 1792 d 1868. Båe døydde i Brubakklykkjun hjå sonen Knut. Barn:

1. Knut f 1816 d 1816.
2. Anne f 1817 d 1834.

«Halvor på Berge» var fødd i Torsrudlykkjun i 1850. Ei tid budde Halvor og kona Åse på Berge under nørdre Bagnsjorde. Halvor var den fyrste som bar posten i Vestre Bagn, tre gonger i veka frå Bagn til Tronrud om Leistrud. Her er Halvor fotografert med postskreppa, som var stor nok til all posten i bygda.

3. Knut f 1821 g 1. m Ragnhild Olsdotter Jølem frå Hallingdal, sjå Brubakklykkja 39/22, g 2. m Siri Mikjelsdotter Kølbu.
4. Anders f 1823.
5. Ola f 1826 gm Barbro Olsdotter Finnhert.
6. Anne f 1829 d 1848.
7. Arne f 1833 d 1836.
8. Ola f ca. 1836 d 1845.

Husmannsfolk i 1865 og -75 var *Ola Knutson Skinnrud* f 1812 g 1843 m *Anne Amundsdotter Bagnslykkja* f 1815. Dei er nemnde i Bagnslykkjun 1845, i Sørflatlien 1848, i Rundbrøta under Sørflaten 1852, og på Berge frå 1854. I 1870 fekk dei husmannskontrakt. Barn:

1. Knut f 1843 d 1844.
2. Knut f 1845 d 1849.
3. Barbro f 1848 d 1871.
4. Anton f 1852 gm Berit Andersdotter, til Amerika 1881. Anton fekk i 1874 sonen Ole Andreas med Berte Bjørnsdotter Fremredalen, sjå Renna under Gastgjevarhauge.
5. Siri f 1854 g 1879 m Erik Amundson Rushaug, Brue under Ellendshauge, f 1856. Dei fekk sønene Ole f 1880 og Andreas f 1883, og reiste til Amerika i 1884.
6. Anne Karine f 1858 gm Kristoffer Andersson Iljanstadhaugen frå Fossumeige, Ådalen.

I 1865 hadde Ole og Anne 1 hest, 3 naut, 7 sauer, og sådde 7 settingar bygg, 7 settingar blandkorn og 1 1/2 tønne poteter.

Husmannsfolk i 1891 var *Halvor Arneson Jordet,* Torsrudlykkja, f 1850 g 1875 m *Åse Pedersdotter Høvdaeige,* Bruflat, f ca. 1842 d 1898. Halvor var også feiar. Dei er nemnde i Torsrudlykkjun 1876, i Storsvelykkjun 1879 og -82 og i Skinnarbrøta under Jukam 1885. På sine eldre dagar var Halvor — «Halvor på Berge» — kyrkjetenar, og budde i Fredheim, ei lita stugu på Bagnsmoe ved kyrkjegardsmuren. Barn:

1. Anne Karine f 1876.
2. Arne f 1879, til Amerika.
3. Syver f 1882.
4. Peter f 1885.

I 1918 kjøpte *Anders Iversen* frå Aremark, f 1876 d 1935 på Berge g 1904 m *Gjertrud Olsdotter Jordet,* f 1874, dotter i nørdre Jorde, Berget av verfaren Ola Knutson Jordet. Bruket vart utskilt same år som bnr. 52. Etter søknad i 1936 vart namnet endra til Berg. Anders var sliperiarbeidar, og køyrde seinare varer frå Tonsåse til Bagn. Både han og sonen Oddvar var vegvaktarar på same strekninga. På Berge hadde dei eit par kyr og hest. Barn:

1. Inger f 1908 gm Knut Høgden, Øystre Slidre.
2. Anne Johanne f 1912 gm Nils Nørstebøen, Nordre Land.
3. *Oddvar* f 1916, eigar frå 1936 etter at *Kolbjørn Nybråten* hadde vore eigar ved auksjonsskøyte i 1933, gm Anne Marie Stensli, Bøverbru, busette på garden Tåsås. Dei har barna Jan, *Gunvor,* eigar no, gm Terje Assum, bur i Oslo, og Bjørn.

Gjertrud budde ei tid på Berge etter at Anders døydde, og flytta deretter til Toten. Seinare var det folk her i kortare tidsrom. No er Berg feriestad.

Ure (Steinure)

Ure var eit bruk under nedre Bagn bruk III — Bagnsjordet — i fyrste og eit stykke ut i andre halvdel av 1700-talet. Sidan er det ikkje meir nemnt. Namnet, gamalnorsk *urð,* kjem av ur, steinrøys, kan hende frå ryddingsarbeid, og blir uttala med tjukk l. Difor har det helst vore skrive Ule. I 1764 høyrer me om «Steensoulen», eller beint fram Steinure. Den gamle kyrkja på Øystre Bagn, i ettertid kjend som Ulekyrkja, har anten fått namn frå den same ura eller frå plassen. Iallfall må nok plassen Ure ha lege i nærleiken av Ulekyrkja.

I skiftet etter Ola Olson i 1751, sjå nedafor, er det opplyst at Hallvor Ivarson Bagn pantsette denne parten som brukeleg pant i 1712 til *Ellend Arneson,* venteleg Ellend på Ellendshauge, for 53 rd. For 32 år sidan — om lag 1719 — overdrog Ellend Ure. til Ola Olson for pantepengane samt 112 rd. for rydding og bygging. Sidan fekk Ola noko av Hallvor Ivarson til brukande for 20 rd.

Ola Olson Skaratn, Skarasetre 47/2, f 1693 d 1750 g 1719 m *Rannei Hallvorsdotter,* nedre Bagn bruk III, f 1692. Ved skiftet etter Ola i 1751 var bruttoeiga 414 rd. og nettoeiga 393 rd. Odelsgods var taksert for 185 rd. Barn:

1. Anne f 1719 d 1720.
2. Ola f 1721 gm Gro Eriksdotter Bjørgo, sjå søre Torsrud.
3. Anne f 1723.
4. Hallvor f ca. 1725 gm Ingrid Sjugurdsdotter Stavadalen.
5. Anne f 1728 d 1728.
6. Gjartrud f 1729.
7. Ragnhild f 1732 d 1735.
8. Ellend f 1736 d 1740.
9. Arne g 1. m Anne Andersdotter, g 2. m Siri Persdotter Tronrud, sjå båe gonger Torsrudkamben 30/21.
10. Jeremias gm Astrid Gudbrandsdotter Kolsrud, kjøpte i 1760 ein part i øvre Søreim i Aurdal.

Til tinget i februar 1764 stemna Ivar Hallvorson Bagn på nedre Bagn bruk III Rannei Hallvorsdotter og utsa hen-

ne frå Uren. Ivar viste til skriftleg varsel i desember 1763, og kravde at Rannei straks skulle oppgje plassen mot pantepengane samt betaling for kostnader. Rannei og sønene hennar møtte ikkje, og saka vart utsett.

Ivar og Rannei må ha kome til forlik, for i oktober 1764 fekk Ivar skøyte på Ure av Rannei ved verja hennar og fire søner for i alt 195 rd. I skøytet heiter det at pantegodset, som var to lykkjer, var odelen til Ivar Hallvorson og bortpanta av far hans, slik at ingen kunne innvende noko mot at han kravde det attende. Dei fire sønene som er nemnde i skøytet, er Ola Olson Torsrud, Arne Olson Torsrudeige, Hallvor Olson Stavadalen og Jeremias Olson Søreim.

Nedre Bagn bruk IV — Bagnsøydgarden

Namnet Øydgarden må vera eit språkleg minne frå øydetida, då garden låg nede.

I 1664 brukte *Sjugurd Hallvorson,* 29 år gamal, f ca. 1635, 1 hud 2 skinn. Sjugurd var son til Hallvor Ivarson, sjå nedre Bagn bruk III, og fekk i 1660 bygselsetel av faren på 2 huder odelsgods. Kona til Sjugurd heitte Eli Olsdotter. Ved skiftet etter sonen Gullik i 1706 er det opplyst at Eli då var i sitt tredje ekteskap, og hadde hatt to søner og to døtrer med Sjugurd. Av desse kjenner me:

1. *Gullik* f ca. 1667, neste brukar.
2. *Trond* f ca. 1670, brukar etter Gullik.
3. Siri gm Hallvor Haugen.

Frå eit anna ekteskap hadde Eli i 1706 dottera Anne Eriksdotter g 1702 m Tore Ellendson Bagn.

I juni 1706 var det skifte etter *Gullik Sjugurdson,* som var enkjemann då han døydde. Bruttoeiga var 27 rd. og nettoeiga 2 rd. 6 skinn i nedre Bagn var odelsgods, av dette hadde Gullik hatt 1 skinn som brorlut etter faren, og åsetesrett over 7 1/2 skinn.

Broren *Trond Sjugurdson* f ca. 1670 d 1732 tok over garden etter Gullik, g 1797 m *Marit Vilhelmsdotter* f ca. 1666 d 1750. I 1703 selde Alv Trondson Leistrud 3 skinn i Bagn til Hallvor Ivarson Bagn og Trond Sjugurdson Bagn, som var syskenbarn til Alv. Alv hadde arva godset etter foreldra sine. Ved skiftet etter Trond i 1732 var bruttoeiga 183 rd. og nettoeiga 130 rd. Skylda på garden er oppgjeven til 7 1/2 skinn, og Trond hadde kjøpt setra Blomstølen. Barn:

1. *Sjugurd* f 1698, brukar på halve garden.
2. *Ivar,* brukte ein part.
3. Anne f 1703 gm Ola søre Hestkinn.
4. Eli f 1710 d 1712.

Marit Vilhelmsdotter g 2. 1733 m *Kristafer Olson,* brukar saman med Ivar. Dei brukte halve garden til Marit døydde. Kristafer Olson g 2. 1751 m *Gunhild Mikjelsdotter søre Langøydgarden* f 1719 d 1788. Kristafer kjøpte Storsvee i 1752 og Hansebrøtin i 1760.

Til sumartinget i 1709 hadde Jeremias Ellendson Skaratn stemna Trond Bagn for noko gods i Bagn som Jeremias meinte kona hans åtte. Dessutan hevda Jeremias at Trond var skuldig han 6 rd. etter munn-

leg avtale. Vitna møtte ikkje, og saka vart utsett.

Trond Sjugurdson let sonen *Sjugurd Trondson* f 1698 mogleg d 1731 bruke halve garden, heiter det i 1733. Sjugurd var gm *Ingebjørg Knutsdotter.* Barn:

Marit f ca. 1729, brukar seinare.

Ingebjørg Knutsdotter g 2. m *Ola Larsson Kyrkjebjørgo,* sjå der.

I mars 1733 stemna den yngre broren til Sjugurd, Ivar Trondson, Ingebjørg Knutsdotter med krav om å ryddiggjera den halvdelen av Øydgarden som ho brukte etter Sjugurd. Sjugurd hadde fått bruke denne halvparten av faren, men Ingebjørg hadde ingen arvelut. Saka kom på nytt opp på tinget i juni 1733. Marit Vilhelmsdotter, enkje etter Trond Sjugurdson, hadde ikkje samtykt i at Ingebjørg skulle bruke parten. Det vart også for tungt for Marit å syte for dei to umyndige barna til sonen Ivar, som hadde fått vera hjå henne fordi han ikkje hadde andre stader å bu. Saka enda med forlik. Ingebjørg ville ryddigjera garden til faredagen i 1734, og Ivar betala henne for kostnader.

Ivar Trondson d 1773, som overtok halve garden etter Ingebjørg Knutsdotter, fekk i 1725 dottera Barbro med Astrid Olsdotter Bagn. Som enkjemann gifta Ivar seg opp att i 1734 m *Lisbet Knutsdotter.* Frå eit tidlegare ekteskap hadde Ivar sonen Trond, som i 1755 gifta seg med Gjartrud Eivindsdotter. Barn til Ivar og Lisbet:

1. Knut f 1734 d 1738.
2. Sjugurd f 1737.
3. Knut f 1740.

I 1734 pantsette Ivar Trondson Øydgarden til Ivar Sjugurdson Bagn. I februar 1735 vart Ivar stemna for dette. Embrek Byfellie, verje for Ingebjørg Sjugurdsdotter og Ola Hestkinn på vegner av kona Anne Trondsdotter, klaga Ivar for å ha bortpanta 2 1/4 skinn odelsgods som dei hadda arva i Øydgarde. Ivar forklarte at han ikkje hadde panta bort meir enn han sjølv hadde arva. Det som stod i pantebrevet, at han pantsette heile Øydgarden, var feil.

I 1753 var Mikjel Mikjelson eigar. Då lyste Trond Ivarson pengemangel for å løyse garden inn att. Mikjel Mikjelson hadde teke til å bruke den delen som Marit Vilhelmsdotter hadde hatt, og også overteke den andre parten etter Ivar Trondson. I november 1753 tok Trond ut stemning mot Mikjel for å få han til å flytja frå Øydgarde, men dei vart forlikte før saka kom opp. Ved skøyte i september 1754 selde Trond m.a. odelsretten sin til Mikjel for 240 rd.

Mikjel Mikjelson hadde i 1752 kjøpt 2 1/4 skinn for 150 rd. av Ivar Trondson og Ola Knutson Hestkinn på vegner av kona Anne Trondsdotter. Av det fekk Ivar 124 rd. for 1 1/2 skinn og Anne Trondsdotter 26 rd. for 3/4 skinn. I 1753 selde Kristafer Olson 3 1/2 skinn, der han hadde hatt livaure, til Mikjel for 96 rd.

I november 1754 vart Øydgarden synfart og taksert etter krav frå Mikjel Mikjelson, som hadde innstemna Ivar Trondson og Trond Ivarson. Husa var: 1. Daglegstugu med gamle vindaugo var so gamal og roten at ho ikkje var tenleg til stugu meir. Etter reparasjon og forbetring kunne ho nyttast til størhus. 2. Ei bu med loft over var i

brukbar stand bortsett frå taket. 3. Stabburet hadde bra vegger, men dårlege svillar, og taket var rote. 4. Fjøset var rote på sneia — toppen av gavlveggen — og elles i dårleg stand. 5. Låven var så gamal og roten at han ikkje kunne brukast til låve meir, men ei tilbygd skiku var av nytt tømmer. 6. Stallen med eit lite tilbygt fôrhus var ikkje lenger tenleg til stall. 7. Ei gamal fôrlyu ved låven var ikkje brukbar meir, og taksert som ved. 8. Ei lita fôrlyu nord og ovafor låven var ikkje tenleg meir. 9. Eit småkrøterhus med trev over, taksert som ved. 10. Eit anna småkrøterhus utan trev var gamalt og så dårleg at det ikkje kunne nyttast til ved. 11. Ei ny fôrlyu av smått tømmer, dårleg bygd. 12. Eit eldhus der taket dels var borte, og det som låg att utenleg. 13. Ei lita bu med ubrukeleg tak. 14. Ei badstugu. 15. Eit kvernhus. — Trond Ivarson opplyste at eit gamalt eldhus var heilt rote og ubrukeleg. Garden åtte også fjerdedelen i ei flaumsag. Saga var forfallen då Mikjel Mikjelson kom til Øydgarden, men sett i stand av han. 16. Den øvre engelyu i *Storelykkjun*. 17. Den nedre lyu same stad var for gamal og roten til å bli taksert. 18. Den øvre lyu i «Hellerbråten».19. Den nedre lyu i same bråte hadde inga verd. 20. Ei lyu i ein annan bråte. 21. Eit størhus hadde Mikjel flytta frå garden til ein plass. 22. Ei bu på heimsetra var gamal og hadde dårleg tak. 23. Eit størhus med bu på Blomstøle var gamalt og forfalle. 24. Eit fjøs på Blomstøle var i nokolunde bra stand, men lite. 25. Ei lita høylyu på same seter.

Mikjel Mikjelson Tronhus, søre Langøydgarden, f 1716 d 1791 g 1751 m *Marit Sjugurdsdotter Bagn* f ca. 1729 d 1810, dotter til førnemnde Sjugurd Trondson og Ingebjørg Knutsdotter. Ved skiftet etter Mikjel i 1791 var bruttoeiga 774 rd. og nettoeiga 694 rd. Ved skiftet etter Marit i 1810 var bruttoeiga 102 rd. og nettoeiga 75 rd. Barn:

1. *Mikjel* f 1752, neste brukar.
2. Sjugurd f 1753.
3. Sjugurd f 1755 gm Guri Olsdotter søre Langøydgarden, sjå Mikjelsøydgarden 42/1.
4. Ingebjørg f 1758 gm Ivar Ivarson Bagn, sjå Sukke i Hedalen.
5. Ola f 1760 g 1. m Ingebjørg Olsdotter Mikjelsøydgarden, g 2. m Siri Embreksdotter Maslangrud, sjå båe gonger Tømtitn 42/2.
6. Ingebjørg f 1762 d 1762.
7. Ingebjørg f 1763 gm Arne Sjugurdson Skaratn, sjå Skjerstein bruk I og II.
8. Trond f 1765 gm Tøren Hallvorsdotter Bagn, sjå Bagnsbrøtin 39/17.
9. Marit f 1767 gm Ola Arneson Bagn, sjå Ellendshaugen 37/2.
10. Gunhild f 1772 d 1801.
11. Tora f 1774 gm Anders Andersson Åsli, dei var kjende haugianarar. I 1811 kjøpte Anders Hestkinnøye i Etnedal.

I 1772 selde Mikjel Mikjelson 4 skinn for 298 rd. til sonen *Mikjel Mikjelson* f 1752 d 1836, som seinare overtok resten. Mikjel d.y. var g 1. 1783 m *Ingebjørg Olsdotter Åvåk* (Sjurud) f ca. 1765 d 1799. Ved skiftet etter Ingebjørg i 1799 var bruttoeiga 846 rd. og nettoeiga 731 rd. Jordegodset, 8 1/2 skinn, var taksert for 600 rd. Barn:

1. Marit f ca. 1787 gm Ola Olson Bagn, sjå søre Bagnsjordet 39/13.
2. *Mikjel* f 1789, neste brukar.
3. Ola f 1796 gm Anne Olsdotter Tømtitn, sjå Mikjelsøydgarden 42/1.

Mikjel g 2. 1800 m *Ingrid Sjugurdsdotter Høve,* Høve bruk I, f 1760 d 1802 i barselseng.

Mikjel g 3. 1802 m *Tora Ellendsdotter nørdre Leistrud* f 1778. Ved skiftet etter Mikjel i 1837 var bruttoeiga 181 spd. og nettoeiga 144 spd. Barn:

1. Ellend f 1803, til Øydgarden i Bruflat.
2. Ola f 1804 gm Ingrid Olsdotter Hestkinn, sjå Sveitn 43/2.
3. Sjugurd f 1805 d 1808.
4. Ingebjørg f 1809 d 1810.
5. Ingebjørg f 1810 gm lærar Mikjel Olson Tømtitn.
6. Sjugurd f 1813 d 1817.
7. Barbro f 1815 gm Ivar Arneson Austegarden, sjå Austegarden 12/9.
8. Sjugurd f 1819 gm Åse Olsdotter Sørfjell, på Langedal i Etnedal.

Sumaren 1789 var Mikjel Mikjelson d.y. stemna av Harald og Sjugurd Brattrud samt Sjugurd Vøll fordi han, trass i forbod, hadde flytta til Brattrudsetre, kalla Bakkevøllen, som han hadde kjøpt av Timann Johanson, husmann under Leistrud. Mikjel flytta ikkje berre med sine eigne dyr, men hadde også med krøter som høyrde til andre, til skade for beitet til saksøkjarane. Saka kom opp fleire gonger.

To vitne forklarte at dei hadde vore hjå Mikjel same år, før våronna, og på vegner av saksøkjarane nedlagt forbod mot at Mikjel flytta til Brattrudsetre. Mikjel svara at han ville ha så mange krøter som hadde vore der før. Endre Brattrud, som hadde budd på Brattrud i over 40 år, fortalde at han i denne tida ikkje kjende til at oppsitjarane på den parten av Bagn der Mikjel budde, kom med krøtera sine i gjetsla til Brattrud- eller Bakkevøllsetre. Siste sumar hadde Mikjel setra der med sine eigne krøter, husmannen Timann Johanson sine samt 16 geiter frå andre.

I 1808 selde Mikjel til eldste sonen Mikjel Mikjelson for 600 rd.

Livauret til foreldra skulle vera 4 tønner stritt bygg, 2 tønner blandkorn, 5 settingar rug, røkt og stell av 3 kyr, 1 kvige og 6 småkrøter, 4 vaksne sauer til slakt kvar haust, 5 alen linnetvev, 1/4 tønne salt og 2 par sko. Til eiga bruk skulle livaursfolka ha *Nyjordet.*

Mikjel Mikjelson f 1789 d 1865 g 1. 1817 m *Marit Sjugurdsdotter Ølmhus* f 1796 d 1840. Ved skiftet etter Marit i 1842 var bruttoeiga så mykje som 2445 spd. og nettoeiga 2244 spd. Mikjel Mikjelson brende teglstein av leire i bakken ovafor garden. Teglverket stod nede på flata ved Kvednelve. M.a. vart det tilverka takstein som framleis ligg på dei eldste bygningane på prestegarden. Barn:

1. Ingebjørg f 1818 gm Anders Olson Kulterstad, i 1865 på Ton.
2. Anne f 1823 gm Ola Olson søre Bagnsjordet, kjøpte øvre Langedal, Bruflat.
3. *Mikjel* f 1826, brukar på søre Bagnsøydgarde.
4. Sjugurd f 1829 d 1841.
5. Marit f 1834 gm Fredrik Mikjelson Solbrekka, Etnedal.

Mikjel Mikjelson g 2. 1843 m *Gjartrud Eriksdotter Langedal* f 1820 d 1906. Barn:

1. *Erik* f 1846, brukar på nørdre Bagnsøydgarde.
2. Martin f 1848 gm Anne Marie Olsdotter Lunde.
3. Syver f 1852.

Nørdre Bagnsøydgarden i 1965.

Mikjel Mikjelson delte garden mellom sønene Mikjel frå fyrste og Erik frå andre ekteskap ved skylddeling i 1857. Kvednelve vart grense. Erik fekk det gamle hovudbølet, nørdre Bagnsøydgarden, og Mikjel ein del jord utan hus, søre Bagnsøydgarden. Dei to setrane vart delte, slik at nørdre Øydgarden fekk Blomstølen og søre Øydgarden Langsetre. Tora Ellendsdotter frå nørdre Leistrud hadde hatt med seg Langsetre som medgift då ho kom til Bagnsøydgarden.

På nørdre Øydgarde seier dei «Sygard'n» om søre Øydgarden, og på søre Øydgarde heiter nørdre Øydgarden «nord i garde».

Nørdre Bagnsøydgarden bnr.15

I 1859 fekk *Erik Mikjelson* f 1846 d 1925 skøyte var faren Mikjel Mikjelson for 600 spd., g 1876 m *Ingebjørg Eriksdotter søre Torsrud* f 1844 d 1931. Barn:

1. Gjertrud f 1877 gm Syver Olson Bang, sjå Tamburgarden 39/5.
2. Berthe f 1879 d 1894.
3. *Mikkel* f 1880, neste brukar.
4. Erik f 1883 gm Anna Olsdotter Solberg, Etnedal.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 14 mål svært god åker og dyrka

eng, 35 mål ganske godt slåtteland, frå setrar og utmark kom 19 skippund høy, hamninga var neppe tilstrekkeleg, 4 tylfter grantømmer kunne hoggast for sal, og dei lauva 500 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 4 naut, 12 sauer, 1 geit, 1 gris, og sådde 4 settingar rug, 15 settingar bygg, 1 1/2 tønne blandkorn og 4 tønner poteter.

I 1905 selde Erik Mikjelson til sonen *Mikkel Erikson Bang* f 1880 d 1944 g 1910 m *Ragna Ellingsdotter Wold,* nørdre Vøll 31/1, f 1887 d 1962. Barn:

1. Erik f 1911 d 1931.
2. *Erling* f 1912, neste brukar.
3. Ivar f 1915 gm Kirsten Fønhus, busette på Fagernes.
4. Ingebjørg f 1917 gm Lage Strand, busette på Fagernes.
5. Bjarne f 1920 gm Astrid Olaug Øimoen, Nes i Ådal, sjå Heimsyn 39/129.
6. Rangdi f 1924 gm Kai Magne Vik, busette i Asker.

Erling Mikkelson Bang f 1912, eigar frå 1945, gm *Sofie O. Landmark* f 1916.

I 1980 selde Erling Bang til dotter til broren Bjarne, *Berit Bjarnesdottter Bang,* Heimsyn 39/129, f 1953 gm *Per Ottarson Thorsrud,* Torshaug 29/3, f 1953. Barn:

1. Mikjel f 1982.
2. Kari f 1983.
3. Eirik f 1986.

Nørdre Bagnsøydgarden har 50 da. dyrka jord, den nedste og flataste delen på gamal elveslette. Ned mot Begna, sør for Kvednelven, ligg jordstykket *Svee,* som vart kjøpt av kommunen på auksjon i 1921. Skogen i lia ovafor garden er på ca. 450 da. I 1919 kjøpte Mikkel Bang nørdre Bøle i Reinli, som seinare vart seld stykkevis. Ein del av skogrettane i sameiga vart haldne attende. Ved utskiftinga av Bagn og Reinli sameige fekk difor nørdre Øydgarden ein skogteig på om lag 140 da. ved Hølervatnet.

Hovudbygningen er frå 1848, restaurert siste gong i 1980. Låven er frå 1923 og fjøset eldre. Det gamle stabburet, av tradisjonell Valdres-type, er sagt å ha vore dobbelt så stort. Den andre halvdelen står i «Sygarde». Ved Kvednelve, noko nedafor låven, stod ei smiu, riven på 1960-talet. Eldhuset

Brukarfamilie i nørdre Bagnsøydgarde. Erik Mikjelson f 1846 og kona Ingebjørg Eriksdotter f søre Torsrud 1844 med barna Gjertrud, Berthe og Mikkel, neste brukar. Erik fekk parten nord for Kvednelven då faren delte Bagnsøydgarden mellom Erik og halvbror hans.

Frå nørdre Bagnsøydgarden. I fyrste rekkje Mikkel Erikson Bang f 1880, døtrene Rangdi, Ingebjørg og kona Ragna Ellingsdotter f Wold 1887. Bak sønene Ivar, Erling, neste brukar, og Bjarne.

vart rive i 1985 fordi det var dårleg og gjorde den nye utkøyringa frå gardsplassen lite oversiktleg. Reiskapshus vart oppsett i 1984, og skåle med garasje i 1986.

Setra Blomstølen vart seld i 1908. Seinare hadde garden nokre år ei seter i Bjødale, komen frå Bøle, og seld attende dit i 1929. Deretter vart krøtera om sumaren sette bort til andre på Veståse fram til 1972, då nørdre Øydgarden vart med i fellessetra Venelia.

Frå 1932 til -53 var det revegard. Slåmaskin vart kjøpt i 1905—10, og to nye i 1918 då den fyrste var utsliten. Samstundes vart kjøpt to hesteriver. Treskjeverk vart kjøpt i 1918. Då dyrka ein både havre og bygg. I 1957 vart kjøpt traktor, før hadde dei for det meste hatt to hestar. I 1954 vart vatningsanlegg teke i bruk. Innlagt vatn i hus og fjøs kom kring 1903.

Nyberg bnr. 38

Bustadhus på tomt utskild frå nørdre Øydgarde i 1912 til Storebrofoss Tresliperi ved Pedor Piltingsrud. Piltingsrud selde i 1917 til *Ivar Olson Biribakken* f 1888 d 1978. *Hans Larsen,* som hadde budd her, flytta då til Vabrøtin 39/49, sjå der. Ivar Biribakken var brøtningsleiar på sliperiet og skogvaktar for prestegardsskogen. G 1912 m *Gunhild Jørgensen,* Jonsrud i Hedalen, f 1884 d 1957. Barn:

1. Gunvor f 1913 gm Alf Dale, Tønsberg.
2. Johan Oddgeir f 1915 gm Inga Antonsdotter Røang, sjå Steinkjær i Bagn.
3. Gunnar f 1917 gm Marit Haslene, Reinli, sjå Sandbekk på Klukkarmoe.
4. Bjarne f 1919 gm Astrid Norlid, Oslo, busette på Hallingby.
5. Asbjørn f 1920 gm Ingrid Tønseth, Røros, busette på Jessheim.
6. Ivar f 1923 d 1923.
7. Kjellaug f 1924 gm Arne Kjemperud, Hen, busette på Hønefoss.
8. Torleif f 1930 gm Gudrun Nystuen, Nordsinni, busette der.

I 1978 kjøpte *Oddgeir Biribakken* Nyberg, og selde i 1985 til sonen *Arne Bjørn Biribakken,* Steinkjær i Bagn, f 1955, som bur her.

Kringsjå (før Lønnum) bnr. 41

Bustadhus på tomt utskild frå nørdre Øydgarde i 1913. I 1914 fekk *Gerhard Lønnum,* Sagstugu 39/26, skøyte. Han selde i 1920 til *Emil Mellem,* Sør-Odal,

Gunhild Biribakken f Jørgensen 1884 og Ivar Olsen Biribakken f 1888 med barna. I fyrste rekkje frå venstre: Kjellaug og Gunvor. Andre rekkje frå venstre: Torleif, Asbjørn, Bjarne, Gunnar og Johan Oddgeir.

som var tømmermann og sliperiarbeidar, g 1916 m *Gunhild Hallvorsdotter Leite,* søre Leitet 49/3, f 1891. Dei reiste frå Bagn i 1930-åra. Barn:

1. Helga f 1917.
2. Edvard f 1920.
3. Kari f 1923.
4. Magnhild f 1927.

I 1937 fekk *Oskar Stavedal,* Dønhaug 37/14, f 1907, skøyte, gm *Borghild Lysen,* Landåsbygda. Oskar Stavedal hadde pelsdyr på Lønnum. Barn:

Harald f 1938 gm Johanne Marie Feet, Kvinnherad, sjå øvre Jukam 36/1.

Eigarar frå 1968 var heradsagronom *Jørgen Haga,* Nes i Hallingdal, f 1918 gm *Gunvor Haugajordet,* Nes i Hallingdal, f 1928. Dei endra namnet til Kringsjå. I 1986 flytta dei attende til Nes i Hallingdal då Jørgen slutta som heradsagronom etter oppnådd pensjonsalder. Barn:

1. Arnhild Bergljot f 1953 gm Svein Rimestad, Oslo.
2. Geir f 1956.
3. Beret Mette f 1961.

Jørgen Haga selde i 1986 til fysioterapeut *Cor Ensink* frå Nederland, som bur på Kringsjå.

Dalheim bnr. 128

Bustadhus 1974 på tomt utskild frå nørdre Øydgarde, bygt av *Leiv Erling Eriksson* f 1920 i Oslo, skulesjef i Sør-Aurdal til 1987, gm *Bjørg Askautrud* f 1930 i Drøbak, kultursjef. Barn:

1. Svein Anders f 1954 gm Irene Roan Olsen, Trondheim.
2. Elin Helga f 1956.
3. Ivar f 1962 gm Else May Rindal, Klevenberg i Bagn.
4. Sigurd f 1968.

Heimsyn bnr. 129

Bustadhus 1974 på tomt utskild frå nørdre Øydgarde, bygt av *Bjarne Bang,* nørdre Bagnsøydgarden 39/15, f 1920, kjøpmann, åtte og dreiv Bagn Sport, gm *Astrid Øimoen,* Nes i Ådal, f 1928. Barn:

1. Berit f 1953 gm Per Thorsrud, sjå nørdre Bagnsøydgarden 39/15.
2. Tor f 1955.

Breidablikk bnr. 11 m.fl.

Kjøpmann *Christen Christensen* frå Drammen, som i 1864 kom til Bagn og overtok landhandelen til Peder Sveen på Kræmarmoe, sjå der, vart interessert i å byggje ein kurstad i Bagn. Fyrst fekk han tomt ved Brubakkin, men her var vestavinden så sterk at han søkte å finne ein lunare stad.

I 1886 kjøpte Christensen haustsetra Trondsetre, som låg høgt og fritt oppe i lia med vidt utsyn over Bagn, av nørdre og søre Bagnsøydgarde, samt ein del av Bagnsbrøtin. Her oppførte Christensen same år hotellet og kursta-

Breidablikk Sanatorium, bygt i 1886. Alle bygningane hadde særskilde namn. Hovudbygningen heitte «Olympen», andre hus var «Nora», «Dana», «Svea», «Soumi», «Britannien» og «Oscarshøy». «Suomi» var opphavleg stugu i Aspelheim, som Anders Lønnum bygde, og som vart flytta til Breidablikk. Fotografert av Knud Knudsen. (Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen.)

den Breidablikk Sanatorium. Ein viktig attraksjon var Olavskjelda like ved. Vatnet vart mykje nytta av gjestane, og mange meinte det verka lækjande.

I 1910 selde Christensen Breidablikk til aksjeselskapet *Breidablikk Kursted.* Dei nye eigarane ville halde ope både sumar og vinter, og gjekk i gang med å endre og byggje om. I Christensen si tid hadde Breidablikk berre vore open i sumarsesongen.

I 1914 selde Breidablikk Kursted til dokter *Hallgrim Evjen,* som dreiv staden gjennom fleire tiår. I 1936 selde arvingane etter Marie Evjen til aksjeselskapet *Breidablikk Sanatorium.*

Breidablikk var i drift til staden brann.

Vaskeriet og badehuset på Breidablikk Sanatorium fyrst på 1900-talet. To ukjende jenter, ei vaskar klede med vaskebrett og trebalje, ved sida av står ei stor kleskorg. Bademeisteren Syver Framnes med badehandklede. Badekone og bademeister bada og masserte gjestene, og var den tids fysioterapeutar. Ein gut sagar ved. Guten som sit på sagkrakken, er Johan Eriksen Sagstuen (Åmodt), som var visargut på sanatoriet i mange år. Husa har bordkledning og flistak, og over taket stikk omnsrøyr.

«Tenaratn» på Breidablikk Sanatorium ca. 1903. Oppvartingsjentene brukte såkalla «nasjonalbunad». Foto: Kristine Thorsrud.

Vabrøtin bnr. 49

Namnet Vabrøtin har samanheng med eit gamalt vad i Begna. Bruket er svært brattlendt. Tidlegare låg skibakken i bygda — Vabrøtabakkin — her, men bakken vart øydelagd av vassdragsreguleringa etter krigen fordi elveisen hadde vore svingplass. Bakkerekorden på 46 m var sett av Svein Øverseth ved eit jubileumsrenn i 1936.

Dei fyrste kjende husmannsfolka i Vabrøta er *Ola Trondson Bagn,* Bagnsbrøtin 39/17, f 1799 d 1847 g 1824 m *Ingebjørg Hansdotter Bagn,* Ølmhuseige, f 1800 d 1876. Barn:

1. Hans f 1824 d 1894.
2. *Trond* f 1827, neste husmann.
3. Ivar f 1831 gm Sesel Oldotter Rushaug, sjå Milevasslie 41/4.
4. Tøren f 1835 gm Anders Olson Brenno, sjå Brenno under midtre Jukam.
5. Hallvor f 1839 gm Kristine Olsdotter Dalen, sjå Bagnsbakkatn.
6. Gunhild f 1843 gm Ola Andersson Sandvike.

I 1865 var *Trond Olson* f 1827 d 1917 g 1855 m *Gunhild Andersdotter Jukamseige* f 1826 d 1913, husmannsfolk. Trond Olson Vabrøtin var kyrkjetenar og gravar 1875—1909. Barn:

1. Ingeborg f 1856 gm Anton Hansson Dølvesskaret.
2. Ole f 1858 d 1917.
3. Anne f 1863 gm Knut Olson Juve, sjå Ranneisetre.
4. Tøren f 1869 gm Anders Haldorson Bråten. I 1895 fekk Tøren dottera Gunhild med Ole Johannessen frå Hole på Ringerike. Gunhild gifta seg i 1914 med Olaf Olson Kildedalen frå Nord-Aurdal, som arbeidde på sliperiet.

I 1865 hadde Trond og Gunhild 1 ku, 4 sauer, 3 geiter, og sådde 3 settingar bygg, 8 settingar blandkorn og 1 tønne poteter.

I 1916 vart Vabrøtin utskild frå nørdre Øydgarde, og seld i 1919 til *Hans Larsen,* Nord-Fron, f 1879 d 1968 g 1904 m *Anna Olsdotter,* Brattebakke 44/9, f 1885, som kom til Vabrøtin frå husmannsplassen Sveingjerde i Nordsinni. Hans Larsen arbeidde på Valdresbanen, seinare var han murar og anleggsarbeidar, og sette m.a. opp muren foran Bagn kyrkje mot Bagnsmoe. I Vabrøta hadde dei to kyr. Barn:

1. Signe f 1903 gm Syver Olson Løkken, sjå Heiebrøtin 56/6.
2. Anna f 1905 gm Kristian Lundon, Austsinni, Nordre Land.
3. Lars f 1908, til Canada.
4. Ola f 1910, til Canada.
5. *Hans* f 1915, busett i Oslo og har Vabrøtin som feriestad.

Under kamphandlingane i 1940 brende tyskarane bruket, som Hans og Anna bygde opp att. Få år etter krigen flytta dei til aldersheimen på Klukkarmoe, der dei fekk overta drengestugu. Seinare har Vabrøtin vore feriestad.

Søre Bagnsøydgarden bnr. 10

Mikjel Mikjelson f 1826 d 1889 fekk skøyte på denne parten i 1856, g 1856 m *Beret Olsdotter nedre Sørflate* f 1836 d 1902. Mikjel bygde opp garden

Søre Bagnsøydgarden ca. 1950.

sin frå grunnen av etter delinga av den gamle Bagnsøydgarden. Arbeidet var fullført i 1860. Mikjel var ein kjend lekmann i Sør-Aurdal. Han var òg svær til å spenne rundkast, og skulle ha spent i taket på tingstugu med storstøvlar på. Barn:

1. Martin f 1857 d 1861.
2. *Ole* f 1859, neste brukar.
3. Martin f 1862, til Canada.
4. Marit f 1863 gm Engebret Syverson Steinsrud.
5. Syver f 1865, til Amerika.
6. Mikael f 1870, lærar i Trondheim.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 20 mål vanleg, men bratt åker og dyrka eng, 44 mål vanleg slåtteland, frå setrar og utmark kom 17 skippund høy, hamninga var neppe tilstrekkeleg, 3 tylfter grantømmer kunne hoggast for sal, og dei lauva 500 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 8 naut, 13 sauer, 5 geiter, 2 grisar, og sådde 6 settingar rug, 16 settingar bygg, 2 tønner blandkorn, 2 settingar erter og 6 tønner poteter.

Mikjel Mikjelson selde i 1889 til sonen *Ole Mikkelson* f 1859 d 1942 g 1889 m *Anne Marie Syversdotter Steinsrud* f 1865 d 1922. Barn:

1. Mikkel f 1890 d 1932.
2. Birgit f 1892 d 1945.
3. Guri f 1895 d 1912 av tæring.
4. Marianne f 1896 d 1987.
5. *Syver* f 1900, neste brukar.
6. Olav f 1904 gm Ragnhild Hofstad, Trondheim.

Ole Mikkelson bygde fleire anlegg til gardsdrifta med vasskraft frå Kvednelven. Frå ein dam gjekk det tre renner: 1. Til ei kvern. 2. Til ei korntørke. Kornet vart tørka over varme i ein jarnbehaldar med roterande knivar, drivne av kvernkallen, for å hindre at kornet brende seg fast. 3. Til eit vasshjul som dreiv vedkappar og flishøvel. Ved ein stålvaier over gardsplassen vart krafta overført til treskjeverk og hakkelsmaskin i låven.

I 1923 fekk sonen *Syver Olson Bang* f 1900 d 1982 skøyte, gm *Anna Olsdotter Mølmen,* Lesjaskog, f 1896 d 1979. Syver var av dei fyrste som tok til med nydyrking, og braut opp mykje jord heime og på Langsetren. Frå 1930-åra til 1954 dreiv han med pelsdyroppdrett. Barn:

1. *Mikael* f 1934, neste brukar.
2. Ola f 1936, til USA og gift der.

Mikael Bang f 1934, brukar no, gm *Ingrid Lien,* Gudmundslie 22/17, f 1938. Barn:

1. Syver f 1960.
2. Anne Berit f 1963.

Heime er det no 70 da. dyrka jord og på setra 90 da., av det har Mikael dyrka ein del. Skogen er på 800 da. Namn i innmarka er *Krœmarlykkja, Linjordet* og *Nyjordet.*

Bygningen frå 1860 er seinare påbygd. Den fyrste låven vart riven i 1927. Syver Olson bygde nytt uthus, som brann i 1940. Det nye uthuset frå same år er seinare utvida og omgjort. Livaursbygning 1946. Stabburet er halvdelen av det gamle stabburet på Bagnsøydgarde. Reiskapshuset er frå 1975. Gardssaga frå 1918 er for elektrisk drift. På Langsetren er det nytt fjøs. Heimsetra Trondsetre, som søre og nørdre Øydgarden hadde saman, vart seld til grunn til Breidablikk.

Ein periode, mest etter krigen, dreiv dei pensjonatverksemd i søre Bagnsøydgarde, og dei fleste gravferdene i bygda vart ei tid haldne her.

17. april 1940 skaut tyskarane det nye uthuset i brann. Huset omfatta låve, fjøs, stall, vognskjul, grise- og hønsehus. To hestar, tre kyr og andre husdyr strauk med samt alle maskinar og all gardsreiskapen på låven. Dagen etter vart Syver teken med til Trøgstad, og var borte ein månad.

Familien i søre Bagnsøydgarde ca. 1910. I fyrste rekkje frå venstre: Anne Marie Syversdotter f Steinsrud 1865, Olav og Ole Mikkelson Bang f 1859. Andre rekkje: Marianne, Guri, Syver, neste brukar, og Birgit. Foto: Olga Olsen.

Høyonn på Langsetren til søre Bagnsøydgarden på Veståse fyrst i 1930-åra. Frå venstre Syver Bang, Arne Løkken, Elise Odden (Kviteberg), rakstejente, og Ole M. Bang.

Skoglund bnr. 64

Bustadhus på tomt utskild frå søre Øydgarde i 1944. *Anton Kløvstad,* Klauvstad og Tordebrøtin, f 1895 d 1979 gm *Åsta Andersdotter Skaret* f 1900, kom hit i 1945. Anton var skogsarbeidar. Barn:

1. Arnbjørg f 1924 g 1. m Olaf Gravobråten, Nes i Ådal. Barn: Einar Arvid f 1945 gm Eva Nybråten, Leirskogen, og *Kjell Arne* f 1948, sjå nedafor. Arnjørg g 2. m Ottar Odden, Bagn.
2. Arne Magnus f 1932.

Kjell Arne f 1948 gm *Eva Rønsmoen,* Etnedal, har bygt nytt hus på eigedomen. Barn:

1. Hege f 1974.
2. Anton f 1977.

Granberg bnr. 144

Bustadhus 1983 på tomt utskild frå søre Bagnsøydgarde, bygt av *Terje,* sjå under Klukkarmoen bustadfelt, f 1954, montør, og *Karin Larsen,* Ranheimsbygde, Nord-Aurdal, f 1959. Barn:

1. Jahn Arne f 1977.
2. Kari Mette f 1980.

Bergabrøtin bnr. 34

Rundt Bergabrøtin oppe i lia er det mykje berg og fjell, difor vart plassen heitande Bergabrøtin.

I 1865 var *Gunhild Olsdotter Skarseige,* Skarshaugen 24/5, f 1809 husmannskone, og budde der med dei to sønene sine. Gunhild var g 1835 m *Sjugurd Kristaferson Lundoeige,* Gunhildbrøtin under Hølersetren, f 1807 d 1887. I 1875 reiste Gunhild til Amerika. Sjugurd og Gunhild er nemnde på Sørbøen 1835, men på Bagnseige og Bagnsøydgardseige 1837 og -39, rimelegvis Bergabrøtin. Barn:

1. Kristafer f 1835 d 1866, mogleg gm Beret Andersdotter Seterbrøtin under Åse, sjå der.
2. Beret f 1837 d 1837.
3. Ola f 1839 gm Marit Knutsdotter Bøenseige, Sigridrud under Bøen, f 1846, til Amerika 1874.

I 1865 hadde dei 3 naut, 4 sauer, 3 geiter, og sådde 10 settingar bygg, 10 settingar blandkorn og 1 1/2 tønne poteter.

Frå 1875 til -81 er *Ola Olson Sørflatdokkeneige* gm *Inger Kristafersdotter Lundoeige* nemnde i Bergabrøta, sjå Nybrøtin 55/2.

Sjugurd Olson Storsveeige, Sveinedokke under Langedrag, f 1846 g 1871 m *Guri Embreksdotter Haftonseige,* Haftonsbrøtin, f 1841, er nemnde i Bergabrøta i 1883. I 1871 var dei i Haftonsbrøta, i 1877 på Hansebrøtahauge, og flytta til Gottenborg i Nord-Aurdal. Barn:

1. Guri f 1871.
2. Ole f 1877.
3. Emma Geline f 1883.

Ole Engebretson frå Sveneseige i Nord-Aurdal, etter folketeljinga 1891 f 1851 i Vestre Slidre, g 1878 m *Marit Jeremiasdotter Plassen* f 1851, var husmannsfolk i 1891. Ole var også smed. Dei er nemnde i Plasse i 1880 og -83. Barn:

1. Ingrid f 1880.
2. Johan f 1883.

Ole Gudbrandson f i Nord-Aurdal 1863 gm *Sissel Pedersdotter* f i Hallingdal 1863, er nemnde i Bergabrøta i 1893. Dei er nemnde på Hengjun under Jukam i 1890 og -91, der Ole var skomakar, og på Smedsrud i 1891. Barn som me kjenner:

1. Gudbrand f i Hol i Hallingdal 1881.
2. Bergit f 1890.
3. Sigrid f 1891.
4. Gudrun f 1893.

I 1895 er *Ole Andersson Sveinsbråten* gm *Kari Halvorsdotter Knatten* nemnde. Ole og Kari var også på Hengjun i 1891 saman med Ole Gudbrandson og Sissel Pedersdotter, og kom attende dit, sjå Hundehengja 36/2.

I 1900 var *Ole Gustavson* og *Marit Olsdotter* husmannsfolk. Ole kjøpte Nygard 39/30 i 1904, sjå der.

I 1910 vart Bergabrøtin utskild frå søre Øydgarde som bnr. 34, men fråseld fyrst i 1917 til *Ole Olafson Odden,* Bagnsbergatn 37/1, f 1889 d 1937 g 1917 m *Inga Johansdotter Skarshaugen,* Gjerdinge 24/3, f 1899 d 1972. Bruket hadde då gamle hus, men hadde ståtţ tomt ei stund. Barn:

1. Olaf f 1918.
2. *Johan* f 1920, neste eigar.
3. Borghild f 1924 gm Sigurd Syversen, Etnedal, busette i Oslo.

Bergabrøtin har 40 da. innmark, av det 19 da. dyrka jord, og 50 da. skog. Den gamle tømmerstugu er dels bygd inn i nytt våningshus i ei høgd frå 1965. Fjøset er frå 1953.

I 1949 vart det bygt bilveg til Bergabrøtin. Før hadde dei ein snarveg til Øystre Bagn ned gjennom skogen til Vabrøtin, og ein annan veg gjekk ned til Plassen.

Rabben

Plassen Rabben under søre Øydgarde låg oppe i skogen, ved sida av Berge.

Rabben vart rydda av *Ivar Olson Vabrøtin* gm *Sesel Olsdotter Rushaug,* sjå Milevasslie 41/4. I 1857 fekk dei festesetel på Lykkja, eller søre Lykkja, men er oppførte som husmannsfolk med jord i Rabbe i 1865. Det heiter at Ivar fekk stugu i Søre Lykkjun og flytta ho til Rabben.

I 1865 hadde Ivar og Sesel 1 ku, 4 sauer, 4 geiter, og sådde 3 settingar rug, 8 settingar blandkorn og 2 tønner poteter.

Kristafer Olson Brue f 1836 g 1862 m *Gjartrud Eriksdotter Liaeige,* Bergatn under søre Lien f 1840, er nemnde i Rabbe eller Bagnsøydgardseige frå 1871. I 1862 var dei i Bruen, i 1864 på Brattrudeige, i 1866 i Jukamskleiven og i 1869 på Jukamseige. Familien reiste til Amerika i 1875, og er dei siste som er nemnde i Rabbe. Barn:

1. Ole f 1862.
2. Marit f 1864 d 1866.
3. Erik f 1866.
4. Martin f 1869.
5. Ingeborg f 1871.
6. Ole f 1874.

Syver Bang rydda noko på tomta, men no er staden attgrodd. Låven vart flytta til Brubakklykkja, og seinare riven.

Søre Lykkja

Søre Lykkja låg øvst i Øydgardsjorde, og hadde stugu og uthus. Stugu flytta Ivar Olson Vabrøtin til Rabben. Mikjel Mikjelson Bang budde i stugu i søre Lykkjun medan han bygde søre Øydgarden.

Bagnsbrøtin bnr. 17

Bagnsbrøtin, opphavleg plass under Øydgarde, ligg øvst av bruka i Øystre Bagn attmed Tonsåsvege. Ved ei synfaring i 1800 heiter det at plassen Brøtin er rydda for om lag tolv år sidan og har nokre inngjerda stykke mark.

I 1822 makeskifta Mikjel Mikjelson Bagnsøygarden Brøtin mot Finnhert med onkelen Trond Mikjelson. Trond hadde åtta Finnhert frå 1799. Trond skulle ha Brøtin med påståande hus og gjerde, utslåtten *Matbrøtin,* eit slette kalla *Primtorslettet* og setra *Mørkedalen.* I oktober 1826 vart Bagnsbrøtin og Finnhert skyldsette. Brøtin fekk ei skyld av 1/2 skinn.

Trond Mikjelson Bagn, nedre Bagn bruk IV, f 1765 d 1855 g 1794 m *Tøren Hallvorsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk III, f 1773 d 1856. Barn:

1. *Mikjel* f 1794, neste brukar.
2. Hallvor f 1797 gm Kari Hallvors-

dotter Tollevsrud, sjå Bagnsbakkatn.
3. Ola f 1799 gm Ingebjørg Hansdotter Bagn, sjå Vabrøtin 39/49.
4. Marit f 1802 d 1803.
5. Marit f 1804 gm Hans Person Dølvesdokke, sjå Islandsmoen 48/12.
6. Marit f 1805 gm Hallvor Knutson Tonseige. Den eine av desse to Maritane fekk i 1832 dottera Marit med Ellend Sjugurdson Jukam.
7. Sjugurd f 1807 gm Gunhild Maria Torgrimsdotter Holte, sjå nedre Dølveskamben 48/6.
8. Ivar f 1810 d 1818.
9. Gunhild f 1816 d 1818.

Mikjel Trondson f 1794 d 1854 fekk skøyte av faren i 1840 for 100 spd., g 1826 m *Marit Mikjelsdotter Brattrud,* søre Brattrud 23/7, f 1801 d 1877. Barn:

1. Trond f 1828 d 1850.
2. Tøren f 1833 gm Gudbrand Hallvorson Bergatn.
3. *Mikjel* f 1836, neste brukar.
4. Marit f 1846 gm Anton Erikson Lundatn, sjå søre Brattrud 23/7.

I 1857 selde Marit Mikjelsdotter for 400 spd. til sonen *Mikjel Mikjelson Bagnsbrøtin* f 1836 d 1877 g 1859 m *Kari Olsdotter nørdre Leitet* f 1834. Kari selde Bagnsbrøtin i 1878, og reiste med barna same år til Amerika. Barn:

1. Mikkel f 1860.
2. Ole f 1862.
3. Trond f 1864.
4. Martin f 1866.
5. Anton f 1869 f 1870.
6. Berte Marie f 1872.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 6 mål noko vassjuk åker og dyrka eng, 20 mål magert slåtteland, frå Mørkedale og Primtorslette kom 16 skippund høy, hamninga var neppe tilstrekkeleg, og dei lauva 300 kjerv. I 1865 hadde dei 4 naut, 7 sauer, 2 geiter, og sådde 1 setting rug, 10 settingar bygg, 15 settingar blandkorn og 3 tønner poteter.

Eigar frå 1878 var far til Kari Olsdotter, *Ola Arneson Leitet.* Han delte frå og selde setra Mørkedalen i 1879.

I 1879 selde Ola Arneson bruket til *Erik Erikson Smedsrud* gm *Anne Knutsdotter Hagin,* sjå nørdre Smedsrud 22/1.

Anne Knutsdotter Smedsrud selde i 1889 til *Knut Olson søre Tronrud* f 1859 g 1. 1882 m *Siri Mathiasdotter Vøll,* Midtvøll 32/8, f 1856 d 1892. Barn:

1. Siri f 1882 d 1884.
2. Marie f 1883.
3. Sigrid f 1886.
4. Oline f 1888.
5. Ole f 1890 d 1891.

Knut Olson g 2. 1895 m *Anne Tidemansdotter Bøen,* Bøen 11/6, f 1862. Dei reiste til Toten. Barn:

1. Ole f 1896.
2. Thorgrim f 1898.
3. Kristian f 1900.
4. Magnhild f 1903.

I 1904 selde Knut Olson til *Arne Arneson søre Gubberud* f 1874 d 1943 gm *Margrethe Andersdotter Bø,* Klukkargarden, Vang i Valdres, f ca. 1859 d 1959.

Frå 80-årsdagen til Ole Erikson Bråten i Matbrøta i 1942. Foran Anne f 1854 og Ole Bråten f 1862. Frå venstre: Anders Kleven, Kristine Jordet, Anne Iversen, Tonette Aamodt, Gjertrud Iversen, Sigrid Haugsrud, Johan Aamodt, Ole Nybråten, Agnethe Bråten, Elise Nybråten, Guri Framnes, Gunhild Dokken, Sofie Nygård, Dorthea Framnes og Gunnar Belgum.

I 1943 overtok *Thomas Jevne*, Vang, f 1917 gm *Berit Bakken*, Vang, f 1922. Barn:

1. Ingebjørg Margrethe f 1946 gm Ole Hermann Bakken, sjå øvre Kallskot 29 4.
2. Tove Kristin f 1963.

Bagnsbrøtin har 12 da. innmark. Berit og Thomas hadde krøter til midten av 1970-åra, seinare har dei hatt sauer.

Bruket brann i 1940. Våningshus, låve og fjøs vart oppbygde same år.

Matbrøtin bnr. 29

Matbrøtin, ein liten heim i skogen nedafor vegen til Tonsåsen, sør for Bagnsbrøta, er i 1822 nemnd som ein utslått.

I 1903 vart Matbrøtin utskild frå Bagnsbrøta, og i 1904 selde Knut Olson Tronrud Bagnsbrøtin og Matbrøtin til *Arne Arneson Gubberud*.

Arne Arneson selde Matbrøtin i 1908 til *Ole Erikson Sagstuen*, Brøtin under Gastgjevarhauge, f 1862 g 1891 m *Anne Haraldsdotter Bruskaret*, Stormyrbrøtin under Skaro, f 1854. Ole Matbråten var skinnfellmakar, og

dreiv ikring med gards- og skogsarbeid. Barn:

1. Elling f 1892 g 1920 m Anne Øisteinsdotter, Beito, Øystre Slidre, busette i Søndre Land. Dei er nemnde på Bagnsåse 1921 og -23, og i Matbrøta 1927. Barn i denne tida: Margit f 1921, Olav Øystein f 1923 og Edvin f 1927.
2. *Agnethe* f 1893, eigar frå 1922, den siste som budde fast i Matbrøta. Seinare har bruket vore feriestad.

Finnhert (Finhert) bnr. 24

Finnhert ligg ulendt og einsleg til på ei hylle høgt over Begna, 597 m o.h. Ut mot dalen stupar fjellet nesten 400 m ned. Næraste bruk er Milevatnet, bortimot 2 km lengre oppe. Veg kom ikkje før i 1965, og han fører opp til Leirskogvegen. Tidlegare gjekk ein stig bratt nedover til Lindelie og Øydgarden, som kom ned ved Nyvegen. I odelssaka i 1814 heiter det at til Finnhert var det nesten ikkje framkomeleg, sjølv for gåande.

Vinden kan få kraftig tak her oppe. I Gunvald Gullberg si tid bles ein dag taket av både på låven og stugu.

Det er uklårt kva namnet Finnhert kjem av, men gamalt ser det ut til å vera. Mikkjel Fønhus tenkte seg at Finnhert ut frå fyrstelekken er knytt til finnebusetjing. Korleis dette enn er, finn me namnet i 1734 brukt om eit skogstykke:

I 1734 inngjekk dei fem brukarane på nedre Bagn kontrakt om eit skogdele. Her heiter det at Tøstein Olson og Ivar Sjugurdson — på nedre Bagn bruk II og I — hadde som særskild eigedom ein skog kalla «Finhælskougen», der dei andre brukarene ikkje hadde nokon lut. Delet mellom «Finhæl»-skogen og fellesskogen skulle gå etter oppsette merkesteinar frå Lindelikleiven direkte oppover forbi allfarvegen til «Finhælbergene», med fellesskogen på den nørdre sida. Ved delinga av sameiga til nedre Bagn i 1737 opplyser Tøstein Olson og Ivar Sjugurdson at «Finhælskougen» skylder 1 skinn og har vore under gardane deira frå uminneleg tid, men har ikkje prov på det.

Dei fyrste kjende brukarane i Finnhert er *Ole Olson nørdre Vøll* f 1726 d 1773 g 1756 m *Ragnhild Gudbrandsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk II, f 1728 d 1789. Dei er nemnde på Bagn, Bagnseige og Finnhert frå 1757. I 1764 selde Ola odelsretten sin til nørdre Vøll til systera Beret og mannen hennar. Barn:

1. Rangdi f 1757 gm Anders Hallsteinson Nerby, sjå under Nerby.
2. Anne f 1759 gm Per Arneson Langedrag, sjå Nilsebøle 50/13.
3. Kari f 1761 d 1778.
4. Beret f 1763.
5. Ingebjørg f 1765 gm Ola Knutson Skaratn, sjå Skaroeige.
6. Ola f 1767 d 1778.
7. Beret f 1770.
8. Gudbrand f 1772 d 1773.

Ragnhild Gudbrandsdotter g 2. 1775 m *Mikjel Arneson Storøydgardseige,* mogleg frå Lundoeige og f 1721, d 1782.

Neste kjende brukar er *Gudbrand Olson.* I 1794 vart han stemna av Ola Knutson og Per Arneson, versøner til Ragnhild Gudbrandsdotter, for 11 rd. som Ragnhild hadde hatt til gode, dels i plassen Finnhert, dels i ein del lausøy-

re. Dette tyder på at Finnhert hadde vorte sjølveigarbruk.

I 1799 var *Ola Ivarson* eigar, og selde til Trond Mikjelson Bagn for 345 rd. slik som plassen hadde vore brukt av Ola og formannen hans. *Trond Mikjelson Bagn* gm *Tøren Hallvorsdotter Bagn,* sjå Bagnsbrøtin 39/17, budde i Finnhert til dei flytta til Bagnsbrøtin etter eit makeskifte i 1822.

I mai 1814 vart Trond Mikjelson stemna med odelssøksmål av Arne Arneson Jukamseige, som var ute som soldat i felten, med krav om at Trond måtte vike frå Finnhert. Arne meinte at foreldra hans hadde åtta den delen av Bagn som plassen høyrde inn under i 50 år, men skøytet frå 1799 var prov mot påstanden. I september same år vart Trond frikjend for tiltalen, og Arne måtte betala han 25 rbd.

Ved makeskifte i 1822 overdrog Trond Mikjelson Finnhert til Mikjel Mikjelson Bagnsøydgarden. Finnhert var deretter husmannsplass under Øydgarde, men i 1826 skyldsett for 1/3 skinn.

I 1822 fekk Ola Olson Bagn og kona Ingrid Mikjelsdotter Sørli festesetel.

Årleg leige var å fø ei fjorkvige, 4 geiter og 2 gjeldsauer — frå dei ikkje lenger kunne ernære seg på beite om hausten til 14 dagar etter sumarmål — skjera 2 mål korn og betala 1 spd. i pengar. Husa på plassen vart vurderte til 10 spd.

Ola Olson f ca. 1792 d 1848, på prestegarden eller ein plass under same då han i 1822 gifta seg m *Ingrid Mikjelsdotter Sørli,* Sørli 90/12, f 1800 d 1890. Barn:

1. Olaug f 1822 gm Anders Knutson nedre Dølvesbergatn.
2. Ola f 1824, til Amerika 1847.
3. *Barbro* f 1826, neste brukar.
4. Mikjel f 1828.
5. Olea f 1832 gm Anders Hallvorson Milevatnet.
6. Ingrid f 1833 gm Ivar Johannesson Prestegardseige, sjå Biribakkin 38/5.
7. Amund f 1837.
8. Siri f 1841.

Ola Knutson Brubakklykkja, Berget under nørdre Bagnsjorde, f 1826 d 1910 g 1853 m *Barbro Olsdotter Finnhert* f 1826 d 1895. Barn:

1. Knut f 1854 gm Anne Maria Johannesdotter Haugersveen, Nordre Land, sjå Sparkevikøddin 34/9.
2. Ole f 1860 d 1862.
3. Inger f 1862 gm Anders Andersson Li, sjå under Li i Hedalen.
4. Gunhild f 1866 d 1900.

I 1865 hadde dei 4 naut, 6 sauer, 4 geiter, og sådde 10 settingar bygg, 10 settingar blandkorn og 2 tønner poteter.

Ola Finhert dreiv ei tid som skomakar inntil han gifta seg til husmannsbruket Finnhert. Då byrja ein streng arbeidsdag. Avgifta var å fø ein del dyr for vertsfolka, dertil kom eit nokså stort livaure, som vara i om lag 40 år. Høyet til alle dyra måtte takast med skjuru eller lukast i skog og mark mellom ur, klippar og ulende.

Alt som skulle fraktast til og frå Finnhert, måtte Ola bera i bakmeisen sin. Men han klaga aldri. Som attåtnæring fanga Ola mange gauper i saks. Under dette var han ute for mangt eit tak som nær hadde kosta han livet. (Valdres 10.3.1910.)

I 1900 vart Finnhert utskild frå søre Bagnsøydgarde, og seld same år til

Gunvald Monsson Guldberg f 1862 g 1882 m *Bertine Kristoffersdotter Åseneige*, Seterbrøtin under Åse, f 1862. Dei er nemnde på Fønnhus 1882, i Storsvelykkjun 1884—91 og sidan i Gullberg før dei kom til Finnhert. Familien flytta til Toten. Barn:

1. Martin f 1882 fekk i 1908 sonen Gunnar med Bertine Evensdotter Rundbråten.
2. Berte f 1884 gm Ole Arneson Bjørneskaret, sjå Brubakkin 39/23.
3. Ole f 1887.
4. Arne f 1889 d 1911.
5. Ingrid f 1891 gm Gunnar Olson Sandviken, sjå Brøtalie 55/9.
6. Gunhild f 1895 fekk i 1920 dottera Arnbjørg med Edvard Hjelmkvist.
7. Anne f 1896 gm Halstein O. Thorsrud, sjå søre Erstad 33/6.
8. Gulbrand f 1898.
9. Olav f 1901.
10. Karoline f 1903.
11. Egil f 1907.

I 1921 selde Gunvald Guldberg til *Ellef Gamlemoen* gm *Hanna Olsdotter Bjørnsplassen.* Dei kjøpte Barlund 39/55 i 1932, sjå der.

Georg Evenson Rundbråten og *Marit Thorvaldsdotter Lien,* sjå Skarabrøtin under Skaro, kom til Finnhert i april 1926, etter at Georg hadde kjøpt bruket. Georg døydde alt i august. Marit og barna vart buande i Finnhert nokre år, og flytta deretter til Midtlie under Langedrag.

Sør-Aurdal Sparebank selde i 1934 til *Torvald Nilsen* gm *Guri Antonsdotter Dokken,* sjå Bakkelund 22/42.

Etter tvangsauksjon i 1935 fekk *Halvdan Arneson Nybråten,* Nybrøtin 44/16, f 1904 d 1983 auksjonsskøyte i 1937, gm *Kari Andersdotter,* Lærdal, f 1904 d 1983. Barn:

1. Inger Agnete f 1929 gm Magne Ruud, Aurdal.
2. Agnes f 1931 gm Helge Kolsrud, Aurdal.
3. Alv f 1933 d 1933.
4. Aslaug f 1934 gm Ivar Hanslien, Tranberg, Gjøvik.
5. Arvid Magne f 1936 gm Aslaug Haukenes, Skien.
6. Else f 1938 gm Bjørn Østli, Gjøvik.
7. Kåre Harald f 1940 gm Reidun Kjørstad, Ulnes.
8. Martha f 1942 gm Albert Kullhuset, Aurdal.
9. Odd Arne f 1944 gm Reidun Skaran, sjå Furuly 47/17.
10. Eva f 1949 gm Einar Arvid Kløvstad, sjå Granlund 39/134.
11. *Bjørn* f 1946, neste brukar.

Bjørn Nybråten f 1946, eigar frå 1969, gm *Rakel Fremgaard,* Bøle 6/4, f 1951. Barn:

1. Hallgeir f 1972.
2. Roger f 1974.

Finnhert har 34 da. innmark, av det 30 mål dyrka jord, og 100 da. skog. Den nedste delen av jordet vart kalla *Rennåker'n,* truleg av di dei rende tømmer herifrå og ned til Begna.

Berre veggene stod att av gamlestugu då Halvdan Nybråten overtok i 1937. Torvald Nilsen reiv eit gamalt stabbur. Halvdan Nybråten bygde uthus, og sonen Bjørn har bygt nytt våningshus. Han har også bygt ny driftsbygning med plass til 13 kyr, og leiger fleire andre bruk.

Gunvald Guldberg hadde slåmaskin, to hestar og hestevandring til treskjemaskin. Halvdan Nybråten brukte bjørketust til å treskje med dei fyrste åra, seinare kjøpte han handtreskjemaskin og til slutt treskjemaskin med motor. Dei fyrste åtte åra hadde han ikkje hest, men bar inn høyet.

I aprildagane 1940 var det mange norske soldatar ikring. To vart skotne mellom Finnhert og Milevatnet. 12. april undersøkte tyskarane heile huset. Folk kom opp frå Bagn for å søkje tilflukt, og 32 menneske budde i huset ei heil veke.

Bagnsøydgardseige

Frå dei gifta seg i 1752 budde *Ola Olson Bagn* f ca. 1716 d 1790 og *Marit Ivarsdotter* f ca. 1730 d 1800, på ein plass under Bagnsøydgarde. Ved skiftet etter Ola i 1790 var bruttoeiga 22 rd. og gjelda like stor. Barn:

1. Ola f 1752.
2. Beret f 1755.
3. Marit f 1758 gm Ola Erikson Tronrud, sjå Liabekklie 52/4.
4. Guri f 1761 gm Anders Jensson Bagnseige, sjå Milevatnet 38/4.
5. Anne f 1764 gm Knut Mikjelson Tronhus, sjå Bagnslie.
6. Ivar f 1768 gm Anne Olsdotter Bagn, sjå Plassen 38/8.
7. Trond f 1771 g 1. m Ingrid Eivindsdotter Hieim, g 2. m Anne Olsdotter Brattrud, sjå båe gonger Brubakklykkja 39/22.

Bagnsmoen

På Bagnsmoe, den flate moen ut mot Begna, budde det folk seinast frå byrjinga av 1700-talet. Talet på plassar eller husvære er noko usikkert, men mange var det nok ikkje. Ein plass er kalla Bagnsmoen. I 1758 er *Villumsmoen* nemnd, men husmannen Villum (Vilhelm) Knutson er oppført på Bagnsmoe før. Engelandet *Brennmoen,* som i 1790 vart overlate som livaursbruk frå Sørbøen, må også ha lege på Bagnsmoe.

I 1808 selde Ola Embrekson Sørbøen ein «hustomt eller grunn», kalla Moen, med dei såkalla «Moplasshusene», til sokneprest Stabel for 70 rd. I skøytet heiter det at tomta utgjer det stykket av eigedomen til Ola som går inn i prestegarden sin eigedom, slik at delet mellom prestegarden og Sørbøen heretter skal gå frå aust til vest.

I 1734 gav Tøstein Olson Bagn og Ivar Sjugurdson Bagn, som åtte Bagnsmoen, så stor plass som trongst til ei ny kyrkje, kyrkjegard og hestevang, det siste til hestane for kyrkjefolk. Tøstein Olson budde på nedre Bagn bruk II og Ivar Sjugurdson på nedre Bagn bruk I. Den nye kyrkja stod ferdig i 1736. Byggmeister var Svein Tråset frå Fåberg, som seinare overtok Gastgjevarhaugen.

Rimelegvis frå før 1700 og til langt ut i 1800-åra var det også ekserserplass på Bagnsmoe. I den eldste tida vart det eksersert på den sørlege delen av moen. I eit skriv frå Valderske skarpskytterbataljon i 1811 heiter det at prestegarden var lagd på kompaniets «forrige» ekserserplass. Ved to kontraktar i 1813 og 1820 fekk dei militære bruksrett til området lengre nord.

På Vange eller Kyrkjevangen, foran og nord for kyrkja, vart det etter kvart oppført fleire bygningar. Dei eldste var tinghus, telthus til militæreffektar, og kyrkjestallar. I 1851 vart skulen på

Frå avdukinga av bautasteinen på Bangsmoe 17. mai 1914. Oberst Munthe held tale. Til venstre ser ein nok Fredheim, der det var kafé.

Øystre Bagn, den fyrste faste skulen i Sør-Aurdal, teken i bruk på tomta der tinghuset hadde stått. Lengst nord kom handelsstaden til Bagn Spareforening og bustadhuset Nygård i 1870-åra, og nokre år seinare vart stugene Fredheim og «Vassington» oppsette rett nord for kyrkjegarden.

Etter 1900 vart det spørsmål om å avklara eigedomstilhøva på Bagnsmoe. Det historiske problem var om gåva på grunn til kyrkje, kyrkjegard og hestevang i 1734 omfatta heile eller berre ein del av området som etter 1820 var brukt som ekserserplass. Etter det fyrste alternativet var Bagnsmoen å oppfatte som kyrkjegods med Bagn sokn eller kyrkje som eigar, etter det andre kom også private eigarinteresser inn i biletet. Det var tolkinga etter alternativ ein som vann fram.

Folk på Bagnsmoe

Erik Olson gm *Kari Gudbrandsdotter,* nedre Bagn bruk II, f ca. 1656 d 1726 på Bagnsmoe. Barn som me kjenner:

1. Truleg *Lars* f ca. 1678 gm Åste Olsdotter, sjå nedafor.
2. *Gudbrand* f ca. 1679 gm Ingrid Embreksdotter, sjå nedafor.
3. *Anne* f ca. 1683 gm Ivar Toreson, sjå nedafor.

Lars Erikson Bagn, Bagnsmoen, f ca. 1679 d 1773 g 1707 m *Åste Olsdotter* f ca. 1687 d 1730. Barn:

1. Marit f 1707 d 1712.
2. Marit f 1713 gm Villum Knutson, sjå nedafor.
3. Ingrid f 1718.
4. Mogleg Maren f ca. 1721 d 1726.

Lars Erikson Bagnsmoen g 2. 1732 m *Barbro Olsdotter* d 1773. Barn:

Åste f 1734 d 1738.

I ei sak mot Ola Vesterbø i 1741, der Ivar Sjugurdson Bagn er vitne, blir Lars Erikson Bagnsmoen nemnd som husmann til Ivar. Lars er kan hende den Lars Erikson som saman med kona fikk festesetel på plassen Bagnsleitet av Hans Kristaferson Bagn i 1751.

I 1745 vart Mikjel Olson øvre Jukam stemna for slagsmål. Etter messe i Bagnskyrkja drakk Mikjel og fleire brennevin hjå Lars Erikson Bagnsmoen på husmannsplassen Bagnsmoen. Mikjel, som var drukken, hadde overfalle Ola Ølmhus og fått han over ende på golvet, og måtte betala 9 rd. i slagsmålsbot og 2 lodd sylv.

Gudbrand Erikson Bagn, Bagnsmoen, f ca. 1679 d 1730 på Bagnsmoe g 1710 m *Ingrid Embreksdotter* f ca. 1684 d 1775 på Jukamseige. Barn:

1. Ola f 1710 d 1712.
2. Ola f 1713 g 1. m Siri Isaksdotter, g 2 m Ingebjørg Tøsteinsdotter, g 3. m Beret Olsdotter, sjå alle gonger Stryken under Ellendshauge.
3. Anne f 1715.
4. Kari f 1718 gm Lars Kristensen Anmarkrud.
5. Embrek f 1721 g 1. m Ambjørg Jonsdotter Bøen, g 2. m Marit Knutsdotter Dalen, sjå båe gonger Jukamseige.
6. Knut f 1725.
7. Erik f 1728.

Ivar Toreson Bagn f ca. 1676 d 1747 g 1708 m *Anne Eriksdotter,* Bagnsmoen, f ca. 1683 d 1733 på Bagnsmoe. I 1706 var Ivar kalla Ivar Toreson Bøen. I 1707 fekk Ivar dottera Guri. Barn til Ivar og Anne som me kjenner:

1. Inger f 1706.
2. Tord f 1713.
3. Erik f 1723.

Ivar Toreson g 2. 1735 m *Barbro Persdotter.*

Gullik Toreson Tronrud f 1703 d 1773 på Bagnsmoe g 1746 m *Siri Embreksdotter,* som då var enkje. I ekstraskatten 1766 er båe oppførte under nedre Bagn.

Villum Knutson Fønnhus f ca. 1705 d 1775 g 1739 m *Marit Larsdotter,* Bagnsmoen, f 1713 d 1773, fekk i 1751 bygselsetel av Gudbrand Tøsteinson Bagn på ei inngjerda lykkje på Bagnsmoe som Villum sjølv hadde rydda. Barn:

1. Ivar f 1741.
2. Lars f 1745 gm Beret Eivindsdotter Langedrag, sjå Øyhuseige.
3. Knut f 1748 gm Barbro Persdotter Høvseige, sjå Vilhelmshaugen 13/7. Knut fekk i 1776 sonen Ola med Marit Olsdotter Bagnseige.
4. Åste f 1751.
5. Ola f 1756.

I 1758 inngjekk Embrek Tøsteinson, som 1738—49 hadde ått 3 skinn i nedre Bagn bruk II — søre Jordet, Ellend Amundson og Kari Tøsteinsdotter ein kontrakt. Broren og verbroren, Gudbrand Tøsteinson Bagn og sonen hans,

Ola Gudbrandson, skulle framleis ha 7 skinn i «Nordre» Bagn, der dei hadde arverett etter foreldra, mot at Embrek fekk Villumsmoen og søre Brubakklykkja til odel og eigedom.

Embrek Tøsteinson Bagn, nedre Bagn bruk II, f 1711 d 1773 på Bagnsmoe g som enkjemann i 1758 m *Ingrid Eivindsdotter,* mogleg frå Hølersetren og f 1731, d 1796 på Høvseige. Barn:

1. Kari f 1759 d 1774 på Bagnsmoe.
2. Tøstein f 1762 g 1794 m Gjartrud Tøsteinsdotter Framgarden, sjå Tøsteinsbrenne 1/10.
3. Eivind f 1765 g 1799 m Ingebjørg Jøgersdotter Hølle, sjå Song 1/22.
4. Embrek f 1768 gm Astrid Hallvorsdotter Framgarden, sjå Rustøe 1/8.
5. Ola f 1771.

I 1779 fekk Gullik Sjugurdson Leistrud skøyte på plassen Bagnsmoen for 140 rd. av *Ola Olson Torsrud.* Det blir vist til auksjon i november 1774, rimelegvis etter den førre eigaren, Embrek Tøsteinson, då Ola Torsrud kjøpte plassen. *Gullik Sjugurdson Leistrud* gm *Kjersti Timannsdotter Bøen* er nemnde på Bagnsmoe 1777—82, sjå nørdre Leistrud 22/4.

I 1790 inngjekk Embrek Olson og sonen Ola Embrekson Sørbøen kontrakt om at *Embrek* og kona *Ingrid Knutsdotter* skulle bruke engelandet *Brennmoen* med 1/2 mål åker i for levetida si. Ola skulle til gjengjeld ha to nye slette, *søre* og *øvre Brubakklykkja,* så lenge foreldra levde, men sletta skulle gå attende til plassen når dei var døde. Ola skulle årleg skaffe 4 merker humle, Embrek og Ingrid fekk lauve 150 kjerv og fritt ta ved og bygningstømmer. Leiga var 1 rd. Embrek døydde på Bagnsmoe i 1804.

Øystre Bagn skule

Skulen på Øystre Bagn, på Skulemoe, den gamle tomta til tinghuset, kom i gang frå 1851 med *Jens Eriksen* frå Eidsvoll som lærar. Han kjøpte søre Erstad 33/6 i 1889, sjå der. Ved makeskifte med Tamburgarden i 1863 overtok prestegarden jordstykket Skulejordet, som same år vart selt til kommunen som lærarjord. Frå 1960 vart Skulejordet utparsellert til bustadfelt. Skulehuset vart rive etter at den nye sentralskulen kom, og eit rekkjehus med kommunale utleigehusvære er bygt på tomta.

I 1865 fødde læraren to naut, og sådde 1 setting rug, 5 settingar bygg, 6 settingar blandkorn, 1 setting erter og 1 1/2 tønne poteter.

Bagn Spareforening, seinare Smeby bnr. 91

I 1875 fekk soknepresten i Sør-Aurdal samtykke frå Kyrkjedepartementet til å feste bort eit jordstykke til Bagn Spareforening. Her vart bygt forretningshus og pakkbu, og eit stabbur vart også flytta hit som lager.

Knut Knutsen frå Brubakklykkjun, sjå Liffengren 33/3, tok til som styrar etter nokre år. Han kjøpte forretninga, men var for romsleg med å la folk handle på borg, og gjekk konkurs.

I 1891 var O.M. Smeby landhandlar. Han hadde leigt av Knut Knutsen. Ved kjøpekontrakt i 1892 og skøyte i 1895 kjøpte Smeby bygningane på

handelsstaden av konkursbuet. Handelen heldt fram til 1928. I 1961 vart handelsstaden utskild som Smeby bnr. 91.

Ole Magnus Smeby, Torpa, f 1863 d 1923 gm *Ingeborg Baggerud,* Nordsinni, d 1947. Barn:

1. Åsmund f 1889 gm Jensine Bjerregaard-Jensen, Århus.
2. Magnhild f 1892 gm Ola Alsmo, sjå Solstad 37/31, 33.
3. Karl f 1895 gm Gudrun Gunnarsdotter Bang, sjå Brustad i Bagn.
4. Arne f 1898 gm Rachel Eriksen, Oslo.
5. Hjørdis f 1901 gm Ottar Erikson Juvkam.
6. Ivar f 1903 gm Anne Dalåker.
7. Håkon f 1907.

Nygård bnr. 89

Skreddar *Kristoffer Olsen,* sjå Søvøll 32/18, fekk i 1877 samtykke til å byggje dette bustadhuset, tett ved handelsforeninga. Etter Kristoffer Olsen overtok broren, hjulmakar *Martin Olsen,* sjå Berg i Bagn. Han selde ved kjøpekontrakt i 1892 til *O.M. Smeby,* som nytta Nygård til bustad.

I 1948 selde Magnhild og Ola Alsmo, som hadde kjøpt av buet i 1947, Nygård til *Sør-Aurdal kommune,* som i 1961 selde til lensmann Strømsæther. Eigedomen hadde vore lensmannsbustad sidan 1947.

Per Strømsæther, Averøy, f 1911 d 1973 gm *Liv Krogstad,* Asker, f 1915 d 1988. Barn:

1. Odd f 1945 gm Liv Hamre, Vestre Slidre.
2. Arve f 1948 gm Ingeborg Hasund, Ljan.
3. Gunn f 1953 gm Ole Haugland, Stavanger.

Fredheim

Den vesle stugu Fredheim nord for kyrkja, på hjørnet av vegen og kyrkjegarden, var sett opp nokre år etter 1900 av *Kristine Arnesdotter Løkken.* Ho hadde drive kafé og bakeri på Gimle, sjå der, og heldt fram med kaféen i Fredheim. Kristine døydde i 1910. Sidan budde bror hennar, «Halvor på Berge», sjå Berget under nørdre Bagnsjorde, i stugu på sine eldre dagar. Stugu vart flytta til ned for Nissebakka.

«Vassington»

«Vassington» litt aust for Fredheim var den eldste av dei to stugene ved kyrkjegardsmuren. Namnet kom av at Ola Skogstad frå Leirskoge, kalla «Vassin», hadde budd der.

I «Vassington» budde i mange år *Hans Evensen* frå Helgøya gm *Jørgine Olausdotter* frå Land d 1920. Dei kom til Bagn fyrst i 1890-åra. Hans Evensen var feiar i Sør-Aurdal og braut også åker ikring. Stugu vart riven like etter at Hans, som levde lengst, døydde. Barn:

1. Anna f 1889.
2. Karl f 1893 gm Anna Antonsdotter Bakkene, sjå Bakkelund 22/42.
3. Gina f 1896 d liten.
4. Helga f 1898 gm Even Martinson Bergei, sjå Solberg 22/56.
5. Gina f 1900 gm Kristian Madsen Viken, Brandbu.

Kræmarlykkja

Kræmarlykkja er ei lita lykkje under søre Bagnsøydgarde, attmed den gamle ferdavegen over Øystre Bagn. Tradisjonen fortel at her var den fyrste handelsstaden i Bagn etter at det i 1753 var gjeve samtykke til faste landkræmarar i Akershus stift. Den fyrste som handla i Bagn, Kristen Kristianson, er omtala fleire gonger i tingbøkene dei fylgjande åra.

I 1760 vart Kristen t.d. stemna for ulovleg brennevinssal, og i 1762 dømd til å bøta 20 rd. for å ha brote ei forordning om dette frå 1757.

Det er fortalt at denne fyrste kræmaren fekk mykje utestående blant bygdefolk av di det var smått med pengar og byttevarer. For å inndrive noko av gjelda, sette han skuldnarane til å grava åker. Det meste av steinane vart mura opp i ein fleire meter høg mur mellom lykkja og ferdavegen. Mykje av muren vart teken i den nye vegen som vart bygd her i 1968.

Kristen Kristianson f ca. 1695 d 1765 som landkræmar var gift iallfall to gonger. Fyrste gong med *Kristina Kristoffersdotter* og andre gong med *Helena Eliasdotter* f ca. 1724 d 1785. Tilsynelatande var det fleire barn i kvart ekteskap, men det går ikkje klårt fram kven som var mor. Barn som me kjenner:

1. Sibylla trulova 1757 m Knut Johanson Hamre.
2. Ingebjørg gm Henrik Julson Sundvøll.
3. Lisbet g 1760 m Mikjel Knutson Tronhus, sjå Storsvee 54/11.
4. Maria f 1748.
5. Kristen f 1749.
6. Pernille døypt 1751.
7. Helena f 1751.
8. Katarina f 1753.
9. Margrete f 1757.
10. Helena f 1758 d 1759.

Bagnseige

Trond Hallvorson er nemnd som husmann i 1719. Barn som me kjenner:

1. Hallvor f 1719.
2. Kjell f 1721.

Kristafer Olson f 1732 d 1801 som husmann på Roaeige gm *Ingebjørg Sjugurdsdotter Leistrud* f 1741 d 1815 som enkje i Høllen. Dei er nemnde på Leistrud 1761—71, på Velingsrud 1774, på Bagnseige 1778 og -82 og var på ein plass under nedre Roo i 1801. Barn:

1. Ola f 1761 gm Anne Olsdotter Klauvrud, sjå Kristafersplassen 2/5.
2. Guri f 1764.
3. Ingebjørg f 1768 gm Børgil Jonson Bøenseige, sjå Børgilsbrøtin 11/27.
4. Guri f 1771.
5. Sjugurd f 1774.
6. Gunhild f 1778.
7. Sjugurd f 1782 gm Siri Tølleivsdotter frå Hol, sjå Fekjatn under Storstøllien.

Aslak Timannson Kallskøt f 1745 d 1827 g 1775 m *Gudbjørg Andersdotter Velingsrud* f 1752 d 1828. Dei er nemnde på Velingsrudeige 1776—86 og på Bagnseige frå 1791. Barn:

1. Timann f 1776.
2. Mogleg Gjartrud f ca. 1780 gm Jo-

hannes Olson Brattrudeige, sjå Haugrud 23/6.
3. Dorte f 1786 gm Halldor Eivindson Torsrud, sjå Torsrudeige. Dorte fekk i 1816 dottera Siri med Hølje Erikson Skaveldoeige. Siri gifta seg med Ola Andersson Langedragseige.
4. Tora f 1791 d 1798.
5. Siri f 1795 d 1798.

Gudbrand Olson gm *Ingrid Høljesdotter* er nemnde på Bagnseige 1782—96, men på Dølveseige frå 1799, sjå Dølvesbrøtin 48/19.

Gudbrand Ivarson Bagnseige g 1787 m *Kari Olsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk IIa, f 1763. Dei fekk i 1788 dottera Anne på Bagnseige. I 1797 er Gudbrand kalla Gudbrand Ivarson Dølve.

Erik Olson Bagnseige f ca. 1760 d 1836 i Stubbeplasse under Høve g 1789 m *Ragnhild Olsdotter Bagn*, Stryken under Ellendshauge, f 1760 d 1839. Erik fekk i 1791 sonen Ola med Ingrid Jensdotter Landmarkseige, gm Ingrid Olsdotter Høvseige, sjå Stubbeplassen under Høve. I 1791 fekk Erik også sonen Hallvor med Dorte Kristafersdotter Ølmhuseige, gm Beret Eriksdotter Hellandshølen, sjå Køldokke 48/7. Barn til Erik og Ragnhild:

1. Gjartrud f 1789 gm Hans Haraldson Jukamseige.
2. Ola f 1792.
3. Ola f 1795 gm Anne Persdotter Sørflatseige, sjå Rushaug under Gastgjevarhauge.

Ole Kristian Hansson Bagn g 1809 m *Gjartrud Lennertsdotter,* øvre Storøydgardseige, f ca. 1779 d 1839 på Bagnseige. I 1810 var dei på Erstadeige. Barn:

1. Hans f 1809.
2. Hans f 1810.
3. Anne f 1812.
4. Katrine f 1816 gm Hallvor Høljeson Roo, sjå Lykkja 13/29.

Bagn, ukjend bustad

Erik Andersson Bagn g 1717 m *Ingrid Kristafersdotter Langedrag* fekk fylgjande barn på Bagn:

1. Anders f 1721.
2. Kristafer f 1724.

Ellend Amundson Bagn, Braka 44/bruk II, f 1706 d 1763 på nedre Storøydgarde g 1732 m *Marit Tøsteinsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk II, f 1708 d 1756 på ein stad under Dølve. Dei er nemnde på Bagn 1734—39, i Steinsetren 1747 og på Langedrag 1752. Barn:

1. Tøstein f 1734.
2. Amund f 1736.
3. Johanne f 1739.
4. Knut f 1747.
5. Arne f 1752.

Sjugurd Olson Bagn fekk i 1812 sonen Ellend med *Marit Hansdotter Jukam.* Ellend gifta seg med Marit Olsdotter Austegarden, sjå nørdre Lie 22/15.

„Kongestenen" i Bagno Præstegjeld i Valders.
(Tegnet paa Træ for »Ny illustreret Tidende« af *H. N. Bergh.)*

På Dønhaug ligg den kjende «Kongssteinen». Ola Dønhaug, som var skulehaldar på Øystre Bagn, hogg her inn namna til alle unionskongane samt valspråka deira.

Leirskogen (Lerskogen)

Leirskogen er ei bygd for seg oppe på den skogkledde åsen mellom Begna og Etna, 6-700 m o.h. Frå Skjerstein i aust, øvst i lia ut mot Etna, strekkjer busetnaden seg i hovudsak i eit belte mot vest. Nokre gardar ligg også spreidde i hallet ned mot Begna. Særskilde grendenamn er Skjersteinbygde, Skarabygde og Liabygde, det sistnemnde blir brukt om tidlegare plassar under Langedrag og Steinsetren.

Namnet Leirskogen har røter langt attende, og er venteleg frå før ryddinga av gardar her oppe tok til. I eldre skriftlege kjelder er fyrstelekken skriven m.a. «Ler-» og «Lær-». Den same namnelekken finn me att i stadnamn som Lærdal og Lesja, og i sistelekken i namnet Valdres. Språkforskaren Magnus Olsen har tolka denne lekken som *les,* i slekt med angelsaksisk *lær,* beitemark, grasgang. Samansetjinga med *skog* er yngre, og har neppe noko med det opphavlege namnet å gjera. Ut frå ei slik namnetolking må Leirskogen i den eldste tida ha vore beiteområde, rimelegvis for gardar i dei tilgrensande dalføra i aust og vest.

Den nyare, og språkhistorisk feilaktige skrivemåten Leir-, er grunna på munnleg overlevering som knyter namnet til Olav den heilage. Segna fortel at då Olav kom til Bagn, hadde bøndene samla seg til strid oppe i åsen mot grensa til Land. Ein varm sumardag reid Olav i spissen for hæren sin oppover dei bratte liene. Folk klaga over varmen og tørsten. Då slo Olav tre slag på ein stor stein, og fram frå under steinen strøymde klårt vatn. Kongen og hæren drakk av vatnet, og slo deretter leir ved kjelda. Kjelda vart sidan heitande Olavskjelda og traktene omkring Leirskogen. Olavshæren og bøndene heldt også slag i skogen, heiter det.

Vender me oss til Olavssoga, blir det all grunn til å vise varsemd andsynes segna. Snorre fortel at Olav i 1023 tok opp frå Sogn til Valdres for å kristne valdrisane. Det skjedde då det byrja å hauste. Etter framstillinga hjå Snorre oppheldt kongen og hæren hans seg ved vatna i øvre Valdres så lenge at Olav venta det skulle fryse. Då søkte han opp på land og kom fram på Toten. Jamført med Olavssoga stemmer difor korkje det segna fortel om tidspunktet — sumardagen — eller fortelljinga om slaget med bøndene i Bagn. Men at kongen fór etter den gamle ve-

gen over Leirskogen til Toten, kan ikkje utelukkast.

Etter Stiklestad i 1030 voks det fram ein sterk og inderleg Olavskultus. I folketrua var det snart ikkje det bygdelag der helgenkongen ikkje hadde vore og sett spor etter seg. Det finst ein stor tradisjon om kjelder — Olavskjelder — med heilagt vatn som gav lindring og lækjedom. I dette ljoset — ut frå den allmenne trongen hjå folk til å forklare naturen og det spesielle ynskjet om å knyte forklaringa til den heilage kongen, som det fylgde velsigning med — må me nok oppfatte segna om kjelda på Leirskoge.

Olavsdyrkinga gjekk føre seg gjennom mange hundreår framover. Eit lokalt vitnemål om det gjev sorenskrivar Nils Wisløff i 1743. Han fortel at reisande og andre som gjekk forbi kjelda ved Leirskogvegen, hadde den skikk å setja ned små trekrossar i jorda, slik at det stod mange krossar rundt om på båe sider. Men, legg han til, korsa vart tekne opp og kasta vekk av gjetarbarn «og andre drenge». Barnestrekar fanst nok dengong òg.

Gardane på Leirskoge må vera monaleg yngre enn t.d. dei eldste nede på Øystre Bagn. Opp på åsen søkte folk fyrst etter at dei betre og meir sentrale jordbruksområda lengre nede var tekne i bruk. I hovudsak voks nok busetnaden på Leirskoge fram i gamalnorsk tid. Det er rett nok gjort fleire fornfunn som er eldre, både frå yngre og eldre jarnalder, men slike lausfunn treng ikkje ha tilknyting til fast busetnad.

Eit indirekte vitnemål om at Leirskogen vart rydda nokså seint, kan vera dei mange gardsnamna med sistelekken *øydgarden*. Under nedgangen i



Olavskjelda på Leirskoge, fotografert i 1920-åra. Segna fortel at Olav den heilage kom forbi, og slo på steinen så vatnet strøymde fram for at hærfolka hans kunne få drikke. Enno på 1700-talet fekk Olavsdyrkinga utslag ved at folk sette små trekrossar i jorda kring kjelda. For Breidablikk Sanatorium, bygt i 1886, var det gode vatnet frå Olavskjeldun ein viktig attraksjon.

seinmellomalderen, etter 1350, låg heile Leirskogen øyde. Det same gjorde størstedelen av mellomalderbusetnaden i Sør-Aurdal. Då gardane på nytt kom i drift frå 1500- og 1600-talet, vart stort sett dei gamle gardsnamna tekne i bruk att. Men Leirskogen skil seg ut som eit område der namnetradisjonen under nedgangstida i påfallande grad vart broten. I staden fekk gardane nye namn med opphav i øydetida, som Storøydgarden, Langøydgarden og Mikjelsøydgarden. Hafton har dels også vore kalla Høgøydgarden. Dette språklege tilhøvet kan tyde på at gardane var relativt unge ved 1350, slik at namna ikkje hadde fått festa seg då

Einar Bråten i Skarasetren med avlsoksen på Leirskoge ca. 1938. Oksen var stasjonert på Langøydgarde. Bak oksen står Engebret Langødegård. Smågutane er Thomas Langødegård og Martin E. Dalen.

krisa sette inn. (Valdres Bygdebok III, 1, s 58.)

Det kan vera eit eldre namn som seinare er blitt borte, me finn i odelsjordeboka frå 1624. Blant jordegodset til Håvård Diserud er også oppført ein part i «Øste paa Læerskouffuenn». Iallfall er det uvisst kva for gard «Øste» kan vera av dei me no kjenner.

Før folk mot slutten av 1600-talet på nytt kom for å bu på Leirskoge, nytta bønder på Øystre Bagn øydegardane som setrar og til slått, sjå innleinga om Bagnsgardane. Dette underbrukstilhøvet gjennom eit tidsrom fekk til dels utslag i matrikkelen. Øvre Storøydgarden og Hafton var matrikulerte under nedre Bagn til 1838, og gardsnummer 42, som m.a. omfattar Mikjelsøydgarden og Tømtitn, har framleis *austre Bagn* som offisielt matrikkelnamn. Det er vel heller ikkje umogleg at uttrykket «heimover til Bagn», som har halde seg på Leirskoge til våre dagar, kan ha rot i tida då onne- og seterfolk på Leirskoge høyrde heime i Bagn. Skjerstein låg under øydetida derimot meir lagleg til frå Land-sida enn frå Bagn. Om Skjerstein heiter det i 1723 at garden før hadde vore seter under Tøndrum i Land, men vart sidan rydda og utskild derifrå.

Over Leirskogen gjekk den gamle kongevegen gjennom Land og Valdres frå Kristiania til Bergen. Sorenskrivar Wisløff nemner i 1743 at ved vegen tett ved Olavskjelda stod ein halvmilsstolpe. På garden Braka var det skysskifte. Når Hafton i matrikkelen 1667 er omtala som «Hafton engeland på Femmilsskogen», har nok namnet Femmilsskogen samband med den gamle ferdselsvegen. Kring 1880 vart det bygt ny vei over Leirskogen, og eit lag av jarnbanearbeidarar arbeidde med vegen etter at Valdresbanen var ferdig. Bilvegen frå Etna stasjon, som ligg i Sør-Aurdal, og ned lia — «ned på dalen» — vart bygd i 1962.

Storøydgarden

Nedre Storøydgarden:

Gamalt matrikkelnr. 193, gamal skyld 3 skinn.
1838: **Nytt matrikkelnr. 37, ny skyld 2 dalar, 2 ort 12 skilling.**
1888: **Gardsnr. 40, skyld 6 mark 35 øyre.**

Øvre Storøydgarden:

Gamalt matrikkelnr. 143, gamal skyld 4—4 1/2 skinn. Under same matrikkelnummer, seinare same gardsnummer, høyrde også den nørdre delen av Langøydgarden, nørdre Langøydgarden, med gamal skyld av 3 skinn.
1838: **Nytt matrikkelnr. 38, ny skyld 4 dalar 8 skilling.**
1888: **Gardsnr. 41, skyld 9 mark 32 øyre.**

Nedre Storøydgarden ligg om lag 650 og øvre Storøydgarden 710 m o.h.

I nord grensar Storøydgarden mot Sør-Aurdal prestegard, i vest, nedafor i lia, mot Skaro, i sør mot søre Langøydgarde, og går opp lia i aust.

I 1734 vart det fastsett dele mellom Høvda i Etnedal, fleire gardar av nedre Bagn og øvre Storøydgarden. I 1751 vart gjort avtale om grensa mellom øvre Storøydgarden og Skaratn.

På vintertinget i 1692 spurde brukarane på nedre og øvre Storøydgarde Ellend Jeremiasson Skaratn om dei ikkje sist haust hadde stemna han fordi han hadde bygt seterhus i heimrasta og krøterhamna deira. Ellend sa dei hadde vorte einige om at han skulle ha haustbeite, men ikkje sumarhamne i marka til Storøydgarden.

I juni 1694 vart Ellend Skaratn stemna på nytt fordi han same sumar hadde laga seg seter i heimrasta til Storøydgarden. Ellend vart dømd til å flytja straks og betala sakskostnaden på 3 rd. Brukarane på Storøydgarde med hjelp frå grannar kunne drive krøtera hans bort. I domen vart vist til at setermark etter loven skal vera i allmenningen til fjells, ikkje i heimrasta i bygda.

Etter klage frå Ola Bjørnson nedre Storøydgarden stemna futen i 1694 Ellend Skaratn for ulovleg å ha hogge tømmer i felles mark med Storøydgarden, og å ha gjeve andre lov til å hogge der. På åstaden vart fastslått at Ellend Skaratn har hogge svært ulovleg før, og i siste år gjeve andre lov til å hogge mot betaling. Det vart dømt slik at Ola Bjørnson skulle overta dei 45 tylftene sagtømmer som Ivar, Arne og Ola Ølmhus hadde hogge, og dei skulle søkje vederlag hjå Ellend. Ellend måtte bøte 6 rd. i landnam, og han og sonen Ola Ellendson vart nekta å hogge meir i fellesskogen enn i høve til landskyld og rettar.

I 1709 vart Sjugurd Erikson Øyhus, som åtte øvre Storøydgarden, stemna for m.a. å ha hogge meir enn han hadde rett til i sameigeskogen med nedre Storøydgarden, men vart frikjend.

Etter den klåre todelinga frå 1600-talet samt ulike eigartilhøve i den eldste kjende tida, ser øvre og nedre Storøydgarden ut til å ha vore to gardar i mellomalderen. I 1667 er Storøydgarden oppført med ei skyld av 7 skinn under nedre Bagn. Nedre Storøydgarden fekk sidan eige matrikkelnummer, medan øvre Storøydgarden var ført under nedre Bagn til 1838.

Under nedre Bagn låg i 1667 også Langøydgarden, dels kalla *Bergsøydgarden,* som skylde 1/2 hud. Av skylda høyrde halvparten eller 3 skinn til nørdre Langøydgarden og den andre

halvdelen til søre Langøydgarden. Det er uvisst om denne todelinga går attende på ei eldre bruksdeling. I nyare tid kom iallfall nørdre Langøydgarden til å bli matrikulert saman med øvre Storøydgarden, medan søre Langøydgarden vart matrikulert for seg.

Matrikkel *1723:* Nedre Storøydgarden har skog til husbehov, og skogen veks til sagtømmer. Seter i heimrasta og flaumkvern. Garden er frostlendt. Øvre Storøydgarden har skog til husbruk, kan hogge 3—4 tylfter sagtømmer årleg, og har seter i heimrasta som gjev eitt lass høy. Nørdre Langøydgarden har skog til husbehov, skogen kan med tida vekse til sagtømmer, og seter i heimrasta. Det er frostlendt. Matrikkel *1761:* Nedre Storøydgarden har ein husmann, kan hogge 1 1/2 tylfter sagtømmer, og får pengar til skattar og avgifter i hovudsak frå jorda. Matrikkel *1782:* Ein plass under nedre Storøydgarde.

Nedre Storøydgarden vart i 1738 delt i nedre Storøydgarden bruk I og Haugen bnr. 2. Frå 1860-åra var nedre Storøydgarden bruk I brukt som to partar, men skylddelt fyrst i 1899 i nørdre Nerøydgarden bnr. 1 og søre Nerøydgarden bnr. 4. Komperud bnr. 5 vart utskild frå søre Nerøydgarde i 1905. Under nedre Storøydgarde låg Vilhelmsbrøtin, som var sjølveigarbruk alt på 1700-talet, og skyldsett i 1811. Frå *øvre Storøydgarde* vart plassane Milevasslie bnr. 4 og Dalen bnr. 5 utskilde i 1904 og Håvelsmyre bnr. 7 med Skogheim bnr. 11 i 1924 og 1951.

Nedre Storøydgarden hadde plassane Vilhelmsbrøtin, rydda før 1750 og som tidleg vart sjølveigarbruk, og Komperud. På Aslaksrud skal ha budd folk ei tid. Eit anna bustadnamn i førre hundreåret er Midtskogen. *Øvre Storøydgarden* hadde plassane Dalen og Milevasslie. Tradisjonen fortel at i Dale skal det ha vore to bruk. Under *nørdre Langøydgarde* låg Bergei, nedlagd i 1890-åra, medan Lønnum var ei bortfesta tomt utan jord i 1890-åra.

Setrar 1935, med avstand heimanfrå: Nerøydgarden bnr. 1 og 4: Liabekksetre, 2 km. Øvregarden bnr. 1: Skarsetre, 1,5 km. Nørdre Langøydgarden bnr. 3: Slettatn, 2 km.

I 1770 var skore 120 bord av eigen skog på saga til Storøydgarden. Nedre Storøydgarden hadde sag og kvern saman med grannar i Dalabekke.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761*	2	9	11

	Bondefolk	Tenestefolk	Husmannsfolk	Handverksfolk	Arbeidsfolk	Fattigfolk	Andre	
1782*	2	1	3				4	10
1801	18		20				1	39
1865	15	7	25				2	49
1900	24	1	17			2	4	48

*Gjeld nedre Storøydgarden.

Husdyrhald, utsæd og avling 1723—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1723	3 1/2	26	30	5 1/4		
1761*	1	14	21	4 1/10	15	9 lass
1782*	1	8	8	2	11	24 lass
1866	3	31	59	14 1/4	60	254 skpd.
				korn		
				27	105	
				poteter		

*Gjeld nedre Storøydgarden.

Eigarar

Øvre Storøydgarden og nørdre Langøydgarden var bondegods ved utgangen av øydetida, medan nedre Storøydgarden var krongods til brukaren overtok i 1726.

Nedre Storøydgarden, gnr. 40

Dei fyrste brukarane på nedre Storøydgarde, *Ola Bjørnson øvre Sørflate* f ca. 1647 d 1719 g 1. m *Guri Ivarsdotter,* nedre Bagn bruk III, f ca. 1656 d 1697, er nemnde her frå fyrst i 1690-åra. Ved skiftet etter Guri i 1698 var bruttoeiga 136 rd. og nettoeiga 132 rd. Barn som me kjenner:

1. Anne f ca. 1682 gm Erik Arneson Setre (søre Fønnhus), sjå Tronhus.
2. Gudbjørg f ca. 1685 gm Lars Tøsteinson Haug.
3. Gunhild f ca. 1687 Erik Mikjelson Endrerud i Land.
4. Barbro f ca. 1692 gm Ola Kjellson nørdre Fønnhus.
5. Anne f 1693 d før 1698.
6. Anne f 1694 g 1. m Arne Andersson Åsen, g 2. m Anders Gunnarson Åsen.
7. Bjørn f 1696 d 1699.

Ola Bjørnson g 2. 1698 m *Guri Sjugurdsdotter Høve.* Guri g 2. 1729 m *Ola Ellendson Skaratn,* sjå Skarasetre 47/2. Barn til Ola og Guri:

1. *Bjørn*, f 1699, neste brukar.
2. Beret f 1702?
3. Guri f 1702 gm Anders Kristaferson Langedrag, sjå Leikebakke.
4. Anne f 1707 gm Ola Mikjelson søre Langøydgarden.
5. Barbro f 1717.

I 1719 fekk *Bjørn Olson Storøydgarden* f 1699 bygselsetel. Bjørn var då postbonde. G 1. m *Gjartrud Olsdotter Hafton* f 1695 d 1734. Barn:

Guri f 1728 d 1728.

Bjørn Olson g 2. 1735 m *Berte Torgersdotter Landsenden,* sjå Haugen 99/4.

I 1719 stemna Bjørn Olson verbroren Erik Arneson for at Erik skulle ha truga

med å skyte han. Dei kom til forlik ved at Erik avstod halve Mørkedalssetre, som han hittil hadde brukt, medan Bjørn sette strek over trugsmålet.

I 1726 kjøpte Erik Arneson garden på auksjon, og selde same år til Bjørn Olson.

I 1738 vart *Anders Arneson øvre Storøydgarden* eigar, sjå der.

Anders var gift med syster til den fyrste kona til Bjørn, Gjartrud Olsdotter, og hadde på vegner av kona si og med andre arvingar arva 1 1/2 skinn i nedre Storøydgarde. 1/2 skinn av dette fekk Bjørn løyse inn, men 1 skinn ville Anders ha når dei andre arvingane var løyste ut. I 1737 sette Anders og Bjørn opp kontrakt om dette, men Anders stemna Bjørn i 1738 for at Bjørn ikkje ville skrive under. Bjørn sette som vilkår at han kunne få løyse inn det eine skinnet att når han var i stand til det. Bjørn vart dømd til å underskrive og betala sakskostnaden.

I 1738 var det åstadsak på Storøydgarde av di Anders meinte at parten han hadde fått etter utvising av Bjørn, var mykje mindre enn han tilkom i høve til 1 skinn. Dei vart forlikte om at Bjørn skulle flytja fyrstkomande år 3. mai. Anders skulle overta parten til Bjørn på 2 skinn og betala 505 rd.

I 1743 selde Anders Arneson dei 2 skinna han hadde overteke frå Bjørn Olson med setra Liabekksetre, bruk I, til *Simen Olson Skaratn* for 505 rd. Det eine skinnet Anders hadde att, var Haugen bnr. 2.

Nedre Storøydgarden bruk I

Son og verdotter til Simen Olson, *Ellend Simenson* og *Dorte Arnesdotter Langedrag,* som er nemnde på Storøydgarde 1745—51, budde rimelegvis på nedre Storøydgarde medan Simen åtte garden.

I 1751 selde Simen Olson for 300 rd. til sonen *Ola Simenson Skaratn d.y.,* f 1728 d 1762 g 1751 m *Jøren Nilsdotter* f ca. 1731 d 1770. Barn:

1. *Nils* f 1752, neste brukar.
2. Kari f 1754.
3. Kari f 1756, truleg den Kari som gifta seg med Hans Olson Sørum.
4. Anne f 1758.
5. Simen f 1761 gm Anna Margrete Hansdotter Haugsrud, sjå Jobråtån 74/25.

Jøren Nilsdotter g 2. 1762 m *Ola Olson Langedrag,* øvre Brattrud 23/3, f 1733 d 1801 på Storøydgarde, var då skulehaldar. Ola Olson kjøpte nørdre Tronrud av faren i 1780. I 1789 selde han Tronrud, og kjøpte same år nørdre Lie 22/15, som han selde i 1790. Han sette opp ein ny stugubygning med loft over. Barn:

1. Barbro f 1763.
2. Ola f 1769 g i Aurdal med Inger Hansdotter «Jessen», i 1801 husmannsfolk på ein plass under Revling.

Nils Olson Storøydgarden overtok rimelegvis garden frå stefaren Ola Olson, som tok unna livaure av 1/2 skinn. Nils var gm *Ingebjørg Gudbrandsdotter Haugsrud,* sjå nørdre Leitet 49/4.

I 1779 selde Nils Olson garden, eller 1 1/2 skinn som han åtte, for 520 rd. til *Simen Ellendson Skaratn.*

I 1786 kjøpte Sjugurd Håvårdson Skaratn som verje for Ola Nilsson, eldste son til Nils Olson, garden for 535 rd. av Simen Ellendson med rett til å løyse inn for 75 rd. det halve skinnet Ola Olson hadde som livaure. I 1788 er Simen kalla Simen Ellendson Haug.

I 1787 vart son til Sjugurd Håvårdson, *Ellend Sjugurdson,* verje for Ola Nilsson, og fekk skøyte på garden av faren i 1788 for 590 rd.

Etter at Sjugurd Håvårdson var død, overtok Ellend Sjugurdson Skaratn. Då såg han seg ikkje lenger i stand til å bruke Storøydgarden. Bror til Ellend, Arne Sjugurdson Skjerstein, hadde vorte ny verje for Ola Nilsson, og Ellend selde Storøydgarden til han i 1791 for 635 rd.

Odelsmannen Ola Nilsson kunne ikkje skaffe pengar til å kjøpe att garden frå verja Arne Sjugurdson, i alt 796 rd., medrekna forbetringar og godtgjersle på 20 rd. for livauret til Ola Olson. I 1795 selde difor Ola Nilsson for denne summen til *Arne Sjugurdson Skaratn* gm *Ingebjørg Mikjelsdotter Bagn,* sjå Skjerstein, men heldt unna plassen Vilhelmsbrøtin med eit stykke skog og mark. Ola skulle bruke seterhus på sumarsetra Liabekk saman med kjøparen, og svara 36 skilling årleg.

Same år makeskifta Arne Sjugurdson nedre Storøydgarden mot halve Skjerstein, som han åtte halvparten av, med broren *Håvård Sjugurdson Skaratn* gm *Ingrid Embreksdotter Maslangrud.* I 1797 kjøpte Håvård også den andre delen av nedre Storøydgarden, Haugen 40/2, sjå der.

I 1808 selde Håvård Sjugurdson for 800 rd. til sonen Sjugurd Håvårdson. Med i salet var sumarsetra Liabekksetre, delen til Håvård i sag, kvern, og tre skåp og ein sengestad i den nedre stugu.

Sjugurd Håvårdson, Haugen 40/2, f 1785 d 1823 g 1815 m *Olaug Tølleivsdotter Li,* Hallingdal, f ca. 1795. Ved skiftet etter Sjugurd i 1823 var bruttoeiga 883 spd. og nettoeiga 331 spd. Barn:

1. Ingrid f 1816 gm Ellend Olson Dølveseige, sjå nedre Dølveskamben 48/6.
2. Turid f ca. 1817 gm Elling Olson Hølersetre.
3. *Håvård* f 1818, neste brukar.
4. Tølleiv f 1820.
5. Ingebjørg f 1823 gm Knut Lageson Hjellemarke.

Olaug Tølleivsdotter g 2. 1842 m *Ola Olson Erstad,* sjå der.

Ved skiftet etter Sjguurd Håvårdson vart garden i 1824 utlagd for 400 spd. til sonen *Håvård Sjugurdson* f 1818 g 1837 m *Siri Ellingsdotter Jukam* f ca. 1815. Barn på Storøydgarde:

Olea f 1840.

Ved skyldsetjingsforretning i februar 1842 vart nedre Storøydgarden bruk I og Haugen bnr. 2 skyldsette.

I 1847 selde Håvård Sjugurdson for 500 spd. til *Ola Hallsteinson Storøydgarden* gm *Kari Kristafersdotter Eid,* sjå Leikebakke.

Ola Hallsteinson makeskifta i 1853 Storøydgarden mot Leikebakke med *Ola Olson Mikjelsøydgarden* gm *Siri Embreksdotter Langøydgarden.* I 1864 kjøpte Ola Mikjelsøydgarden 42/1, sjå der. Ola Olson åtte frå 1857 også Haugen bnr. 2.

Ved skøyte i 1866 og -68 selde Ola Olson bruk I for i alt 600 spd. til brørne Arne og Sjugurd Sjugurdsøner Bergei, som då budde her. Dei delte garden mellom seg i nørdre og søre Nerøydgarden ved skylddelingsforretning i 1899, men hadde lenge brukt kvar sin part. Dei delte også setra Knaldre, kjøpt frå øvre Storøydgarde i 1887.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 16 mål høglendt åker og dyrka eng, 46 mål ganske godt slåtteland, frå setrar og utmark kom 34 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, 2 1/2 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast, dei lauva 2000 kjerv, og garden var frostlendt og godt dyrka. I 1865 hadde Arne ein hest, og sådde 1/8 tønne rug, 1 tønne bygg, 1 tønne blandkorn, 1/2 tønne havre og 5 tønner poteter. Den yngre broren Sjugurd hadde ein hest.

Det gamle tunet til nedre Storøydgarden låg oppe på Solberg, som før var kalla *Tømtitn.* I 1852 vart tunet flytta ned til det som no er tunet for nørdre Nerøydgarden. Våningshuset vart teke til stabbur, og nytt stabbur vart bygt. Det gamle stabburet vart sidan flytta til søre Nerøydgarden.

Nørdre Nerøydgarden bnr. 1

Nørdre Nerøydgarden, i daglegtale «Nerigard'n», overtok *Sjugurd Sjugurdson,* Bergei under nørdre Langøydgarde, f 1837 d 1917 g 1869 m *Marit Olsdotter Dalen,* Brøtin under Gastgjevarhauge, f 1841 d 1896. Barn:

1. Ingrid f 1867 d 1879.
2. *Anne* f 1868, neste brukar.
3. Marie f 1871 gm Ole Trondhjem, Etnedal, budde på Eidshaug, Etnedal.
4. Olava f 1873 gm Anders Mathiasson Kleven, sjå Klevenberg i Bagn.
5. *Sigrid* f 1875, brukar etter Marie.
6. Inger f 1878.
7. Ingrid f 1880 g Ånes, Oslo.

Branntakst 1875: 1. Ein stugubygning med bordtak. 2. Ein buabygning med bordtak. 3. Ein låve med flistak. 4. Eit fjøs med bordtak.

I 1904 selde Sjugurd og Arne Sjugurdsøner til verson til Sjugurd, *Kristoffer Arneson Leikebakke* f 1866 gm *Anne Syversdotter Nerødegård* f 1868. Dei flytta til Gjøvik.

Kristoffer Arneson selde i 1911 til verbroren *Ole Martinson Øiom,* Nordre Land, gm *Sigrid Syversdotter Nerødegård* f 1875. Dei flytta til Vinjar, Nordre Land.

Etter tvangsauksjon fekk *Klara Westby* auksjonsskøyte i 1933.

Neste eigar var *Erling Olson Dalen* f 1891, byggmeister, g 1927 m *Inga Martinsdotter Bøhle,* Nilsebøle 50/13, f 1897. Barn:

1. Berit f 1927 gm Nils Øimoen, sjå Solbakken 10/8.
2. *Martin* f 1929, drosjesjåfør, eigar frå 1964.
3. Aslaug f 1932.
4. Eilef f 1941.

Nørdre Nerøydgarden har 20 da. dyrka jord på noko bratt, men elles fin helling, og ca. 250 da. skog. Det var krøter til 1966, sidan har jorda vore bortleigd. Nørdre Nerøydgarden har halvdelen i Liabekksetren, der setringa tok slutt i 1920-åra.

Tunet på søre Nerøydgarde.

Søre Nerøydgarden bnr. 4

Denne parten av det gamle nedre Storøydgarden, i daglegtale «Nerigard'n», brukte Arne Sjugurdson frå 1860-åra. Arne bygde opp garden.

Arne Sjugurdson, Bergei under nørdre Langøydgarde, f 1830 d 1918 gm *Guri Olsdotter Granum,* Bruflat, f 1844 d 1921. Barn:

1. *Syver* f 1868, neste brukar.
2. Ole f 1870, kjøpte søre Stanfinnmarke 42/3 og 5 i 1914 og budde der.
3. Jens f 1872 gm Marit Olsdotter Skaran, sjå nørdre Håvårdsonplassen under Skaro.
4. Ingvald f 1875 d 1905.
5. Olaus f 1877 gm Marit Olsdotter Jordet, sjå Øvrevøll 32/12, flytta til Strandbakken, Einastrand.
6. Marit f 1881 gm Karl Johan Bergstrøm, Hønefoss.
7. Inger f 1891, budde heime.

I 1904 selde Arne og broren Sjugurd til *Syver Arneson Nerødegård* f 1868 d 1960 g 1898 m *Dorthea Olsdotter Skarene* f 1877 d 1957. Barn:

1. *Arne* f 1899, neste brukar.
2. Ole f 1901, var heime.
3. Ingvald f 1907.
4. Gunnar f 1908 gm Ingrid Fjeld, Etnedal, busette på Fjell.
5. Dina f 1910.
6. Guri f 1912.
7. Sigurd f 1914 gm Sara Søberg, Vardal, sjå søre Stanfinnmarke 42/3, 5.
8. Olav f 1917.
9. Magnhild f 1920 d 1930.

Syver Arneson Nerødegård f 1868 og kona Dorthea Olsdotter f Skaratn 1877, brukarar på søre Nerøydgarde, med barna. Bakarste rekkje frå venstre: Dina, Ole, Gunnar, Arne og Ingvald. Andre rekkje: Olav, Syver, Guri, Sigurd og Dorthea. Fremst: Magnhild.

Arne Syverson Nerødegård f 1899 og kona Ragnhild f Klevgård 1898 med barne Dagny Marie og Sverre.

Arne Syverson Nerødegård f 1899 d 1956, eigar frå 1929, gm *Ragnhild Klevgård*, Etnedal, f 1898 d 1977. Barn:

1. Dagny f 1938 gm Ola Dahlen, sjå Rostad 41/15.
2. *Sverre* f 1940, eigar no.

Søre Nerøydgarden har 40 da. innmark, av det 20 da. dyrka jord der noko er kupert og noko myrlendt, og 380 da. skog. Det var krøter til 1964, sidan har det vore drive med fôringsdyr og sal av høy. Våningshuset er

nytt, stabburet stod før på det gamle tunet, og dei andre husa er låve, fjøs, kårstugu og smiu. Garden har halvparten i Liabekksetren.

Solberg bnr. 10

På *Tømto* i sørhelling oppe i bakken, der det gamle tunet til nedre Storøydgarden hadde stått før 1852, vart bustadtomta Solberg på i alt 4 da. utskild frå søre Nerøydgarde i 1945. *Sigurd Nerødegård* gm *Sara Søberg,* Vardal, sjå søre Stanfinnmarke 42/3, 5, bygde her i 1947.

I 1962 bytte Sigurd og broren Olav eigedomar, slik at Olav fekk Solberg og Sigurd søre Stanfinnmarke. *Olav Nerødegård* f 1917, som er vegvaktar, bur på Solberg saman med systrene *Dina* f 1910 og *Guri* f 1912.

Komperud bnr. 5

Komperud var før 1905 husmannsplass under nørdre og søre Nerøydgarde.

Dei fyrste kjende husmannsfolka, *Ola Erikson,* øvre Klypa under nørdre Øyhus, f 1825 d 1895 gm *Anne Olsdotter Flatøydgardseige,* Etnedal, f ca. 1829 d 1891, er nemnde på nedre Storøydgardseige og Komperud frå 1852. Barn:

1. Erik f 1852 gm Gunhild Mathea Johansdotter Hakset, Nordre Land, sjå Joplassen 47/3.
2. Ingeborg f 1855 gm Hans London.
3. *Nils* f 1857, neste brukar.
4. Ragnhild f 1860 gm Anton Olson Tonsbakkatn, Bjørgo.
5. Ole f 1863 d 1899.
6. Martin f 1866 gm ei frå Dørsveen, Nord-Torpa, var sveiser i Torpa.
7. Anton f 1869 gm Karine Trondsdotter Bråten, sjå Kristafersplassen 2/5.

I 1865 hadde dei 1 ku, 4 sauer, 2 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg og 1 tønne poteter.

Nils Olson Komperud f 1857 d 1932 kjøpte plassen i 1905 etter skylddeling same år, g 1889 *Anne Torine Kristoffersdotter Bratsveen,* Austsinniåsen, Nordre Land, f 1871. Barn:

1. Anna f 1890 d 1899.
2. Agnete f 1892 gm Julius Sørbøensveen, Austsinniåsen, budde der.
3. Ole f 1894, til Amerika, g der m Emma Bårdgård, Trondheim.
4. Kristoffer f 1896 gm Gudrun Antonsdotter Fjelleng, sjå øvre Setre 42/4.
5. *Thorvald* f 1898, neste brukar.
6. Anna f 1901 gm Johan Erikson Joplassen.
7. Olav f 1903 gm Klara Mathilde Martinsdotter Tørhaug, Etnedal, sjå Leiteplassen 47/7.
8. Tora Nikoline f 1906 gm Reier Olson Skaran, sjå øvre Skaratn 47/10.
9. Inga f 1909 gm Georg Jørgenson Søreid, sjå Lønnum 49/5.
10. Olave f 1912 gm Peder Skogstad, Gjøvik, busette der.

Nils Olson Komperud selde i 1927 til sonen *Thorvald Komperud* f 1898 gm *Tora Engen,* Hølera, f 1908. Barn:

1. Kari f 1945 gm Ola Lien, Vestre Bagn.
2. *Nils Arne* f 1947, eigar frå 1970, gm Lisbeth Jönsson, Sverige, busette i Västerås.

Komperud har 5 da. gamal åker og 20 da. som er dyrka på myr. Nils Komperud og sonen Thorvald dyrka det meste. Skogen er på 20 da. Fram til 1965 hadde dei to—tre kyr. Husa brann i 1940, og Thorvald bygde opp att våningshus og uthus på dei gamle tomtene.

Aslaksrud

Nokre hundre meter nord for nørdre Nerøydgarde, i helling på båe sider av vegen, ligg ein stad kalla Aslaksrud. Her skal det etter tradisjonen skal ha vore ein liten heim. Merke etter åkerbruk syner. Lenge stod ei lyu på stykket, men no gror det att. Korkje i 1865 eller i seinare folketeljingar finst nokon plass med dette namnet, så han må vera eldre.

Etter munnleg tradisjon om slektstilhøve og med omsyn til namnet, kan mogleg *Aslak Gudbrandson nørdre Langedragslie* f 1820 ha vore her. Aslak var g 1852 m *Mari Olsdotter Dalen* f 1825. Dei er nemnde i Langedragslien i 1853, men på Hauge av Storøydgarden i 1855, då er Aslak nemnd som gardmann. I 1859 er han kalla Aslak Gudbrandson Haugen, og var innerst. I 1859 reiste dei til Torpa. Dersom Haugen er Haugen bnr. 2, må dei ha vore i Aslaksrud på eit anna tidspunkt. Barn til 1859:

1. Ingeborg f 1853.
2. Gudbrand f 1855.
3. Anne Kristine f 1859.

Haugen bnr. 2

Denne parten av skyld 1 skinn hadde *Anders Arneson øvre Storøydgarden* att då han i 1743 selde den andre delen av nedre Storøydgarden.

I 1760 var son til Anders, *Arne Andersson Langøydgarden,* eigar, og selde til sonen *Anders Arneson* for 300 rd. Anders kjøpte øvre Storøydgarden i 1764, og budde der. I 1767 selde Anders attende til faren *Arne Andersson* for 298 rd. Arne Andersson nørdre Langøydgarden døydde i 1767, og på skiftet etter han overtok sonen *Sjugurd Arneson nørdre Langøydgarden.*

Sjugurd Arneson Langøydgarden selde i 1781 for 400 rd., med 1/8 i ei flaumsag, til *Ola Knutson øvre Storøydgarden,* som brukte Haugen under øvre Storøydgarde.

I 1788 selde Ola Knutson attende til Sjugurd Arneson for 400 rd., men tok unna eit lite engestykke ovafor kongsvegen i åkeren til øvre Storøydgarden mot at Sjugurd fekk eit engestykke av same verd.

Då Sjugurd Arneson i 1792 selde Langøydgarden til sonen *Arne Sjugurdson,* fylgde også Haugen med.

I 1797 selde Arne Sjugurdson for 650 rd. til *Håvård Sjugurdson Skaratn* f 1760 d 1843 g 1784 m *Ingrid Embreksdotter Maslangrud* f ca. 1760 d 1831. Håvård Sjugurdson hadde kjøpt den andre parten, nedre Storøydgarden bruk I, i 1795. Ved skiftet etter Ingrid i 1831 var bruttoeiga 103 spd. og nettoeiga 78 spd. Ved skiftet etter Håvård i 1843 var bruttoeiga 44 spd. og nettoeiga 39 spd. Barn:

1. Sjugurd f 1785 gm Olaug Tølleivsdotter Li frå Hallingdal, sjå nedre Storøydgarden bruk I.
2. Dorte f 1786 gm Knut Andersson nørdre Lundatn.
3. Embrek f 1789 — «Øske-Embrek» — gm Ingrid Olsdotter Stavadalen, sjå nørdre Langøydgarden 41/3.

4. Arne f 1792 gm Marit Jensdotter Braka, sjå Braka 44/1.
5. Lars f 1794, ved skiftet etter faren i 1843 kalla Stube.
6. Sigrid f 1797 gm Harald Arneson Åsen, sjå Skarasetre 47/2.
7. Håvård f 1799 d 1864 som innerst på nedre Storøydgarde. Håvård kjøpte Hansebrøtin i 1824, som vart seld på auksjon i 1831.
8. Ingrid f 1802 gm Sjugurd Arneson Braka, sjå Bergei under nørdre Langøydgarde.

I 1839 selde Håvård Sjugurdson for 325 spd. til *Sjugurd Arneson Baggerud.* Sjugurd selde same dag til Embrek Håvårdson nørdre Langøydgarden for 740 spd. Sjugurd Arneson var gm *Katrine Hansdotter* f ca. 1799. Dei kom frå Baggerud i Land i 1824, og er nemnde på Storøydgardshauge 1834—39. Etter attest i 1849 reiste dei til Land. Barn som me kjenner:

1. Anne Maria f 1835.
2. Inger Mathea f 1839.

Embrek Håvårdson budde på nørdre Langøydgarde. Han delte frå tre partar i 1842, -46 og -56, som vart selde til øvre Storøydgarden, Joplassen og Vilhelmsbrøtin. Etter den fyrste frådelinga vart Haugen og nedre Storøydgarden bruk I skyldsette i 1842.

I 1857 selde Embrek Håvårdson til *Ola Olson Mikjelsøydgarden* for 200 spd. Ola budde på Mikjelsøydgarde, og brukte Haugen som slåtteland.

Etter matrikkelførebuinga 1866 hadde Haugen 10 mål høglendt åker og dyrka eng, 32 mål ganske godt slåtteland, hamninga var ikkje tilstrekkeleg, det kunne hoggast 3 tylfter gran- og furutømmer, garden låg temmeleg avsides og var godt dyrka.

I 1908 selde Ola Mikkelsgård til sonen *Engebret Olson Mikkelsgård* f 1862 d 1940. Engebret bygde opp Haugen i 1903, då stod det berre ei lyu her. Engebret var g 1886 m *Inger Olsdotter Hafton,* Storsvee 54/11, f 1853 d 1934.

I 1940 selde arvingane etter Engebret til *Oddmund Mikkelsgård* på Mikjelsøydegarde, som i 1943 selde til broren *Ola M. Mikkelsgaard* f 1911 gm *Ragna Bjørneskaret,* Brubakkin 39/23, f 1922. Dei flytta til Haugen i 1942. Ola M. Mikkelsgaard har vore byggmeister. Barn:

1. Martha f 1942 gm Mannfred Merz, Vest-Tyskland, busette i Würtemberg.
2. Bodil f 1945 gm Ola O. Hafton.
3. David f 1947 gm Anna Eline Holt f 1943. Dei bygde bustadhus på garden i 1976, og har sonen Morten f 1973.
4. Mikael f 1950 gm Tove Karin Stensæter f 1955. Dei bygde bustadhuset Heggelund på utskild tomt i 1976, og har barna Henning f 1975 og Ingvil f 1977.
5. Reidun f 1953.

Haugen har 50 da. innmark, av det 20 da. dyrka jord, og 350 da. skog. Dei siste åra har jorda vore bortleigd. Husa er våningshus og driftsbygning.

Vilhelmsbrøtin bnr. 3

Vilhelmsbrøtin, i daglegtale Plassen, har namn etter den fyrste brukaren, Vilhelm Olson. I 1751 fekk Vilhelm og kona hans bygselsetel av dei to eigara-

ne av nedre Storøydgarden på plassen *Brøtin,* som Vilhelm sjølv hadde rydda og brukt. Leiga var 1 rd.

Vilhelm Olson døydde på Storøydgarde i 1755, og må vera identisk med den Vilhelm Leikebakke som er nemnd i Leikebakke til 1722, sjå der. Kona til Vilhelm Leikebakke, *Ingebjørg Jonsdotter,* døydde på Storøydgarde i 1739, slik at dei må ha vore i Vilhelmsbrøta seinast frå slutten av 1730-åra. Etter bygselsetelen i 1751 har Vilhelm vore gift på nytt.

Då Ola Nilsson Storøydgarden, odelsmann til nedre Storøydgarden bruk I, i februar 1795 fann i vilja selja garden, tok han unna plassen Vilhelmsbrøtin med eit stykke skog og mark. Han skulle også bruke husa på sumarsetra Liabekksetre saman med kjøparen, og svara 36 skilling årleg. Men i april same år selde Ola Vilhelmsbrøtin til *Arne Sjugurdson Skjerstein* for 150 rd., og var i 1801 innerst og dagarbeidar på ein plass under øvre Storøydgarde. I 1804 var bror til Ola Nilsson, *Gudbrand Nilsson,* eigar. Han selde til Ola, som i to år var eigar på nytt.

Ola Nilsson Storøydgarden, nørdre Leitet 49/1, f 1775 g 1804 m *Gjartrud Eriksdotter Byffellie.* Dei fekk i 1805 sonen Nils på Storøydgardseige. Då Nils Olson gifta seg i 1841 m Ingebjørg Olsdotter Granumshaug, var han oppført på Bruflatseige.

I 1806 selde Ola Nilsson til *Ola Olson Kristianslund,* som i 1811 selde til *Ola Andersson Lunde* for 100 rd. Ola Andersson fekk plassen skyldsett i desember 1811. Skylda vart 1/4 skinn.

I 1824 selde Ola Andersson Lunde for 100 spd. til *Ola Ivarson Vilhelmsbrøtin,* Islandsmoen 48/12, f 1764 d 1836 g 1807 *Gunhild Larsdotter søre Lundatn* f 1773 d 1820. Dei er nemnde på Dølve og Dølveseige til 1812. Ola Ivarson, kalla «Vilhjalmen», og Gunhild var fyrst husmannsfolk på Islandsmoe, der det gjekk ut med dei. Så måtte dei flytja til Leirskogen, fortel tradisjonen. Ved skiftet etter Gunhild i 1821 var bruttoeiga 161 spd, men gjelda 213 spd. Buet åtte Svarttjednsetre, taksert for 12 spd. Barn:

1. Gunhild f 1807 d 1900.
2. Ragnhild f 1809 gm Sjugurd Hallvorson Milevatnet.
3. *Ivar* f 1812.

Ved skiftet etter Ola Ivarson i 1837 vart Vilhelmsbrøtin utlagd til sonen *Ivar* for 200 spd.

Ivar Olson selde same år for 200 spd. til *Hølje Kristaferson* frå Gunhildbrøta g 1857 m *Anne Olsdotter Håvårdsonplassen,* sjå Joplassen 47/3. Hølje var i 1857 kalla Vilhelmsbrøtin.

I 1856 selde Hølje Kristaferson for 50 spd. til *Knut Olson Dalen* f 1827, som same år hadde kjøpt ein annan part av Embrek Håvårdson, også for 50 spd. Knut var g 1853 m *Marte Eriksdotter Skålerud* f ca. 1831. Dei er oppførte i Dale i 1854 og -55, deretter i Vilhelmsbrøta. Barn i desse åra:

1. Ole f 1854 d 1855.
2. Ole f 1855.
3. Anton f 1857.
4. Elling f 1859.

I 1860 selde Knut Olson til *Ola Monsson Vilhelmsplassen,* Liabekklie 52/4, f 1832 d 1889 g 1861 m *Ingrid Kristafersdotter Stanfinnmarke,* Tå-

måsbrøtin under Tømto, f 1821 d 1911. Barn:

1. *Martin* f 1861, gm Marit Olsdotter Mikjelsøygarden, sjå øvre Tømtitn 42/2.
2. *Kristoffer* f 1863 gm Anne Karine Trondsdotter, sjå nedre Tømtitn 42/8.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 6 mål høglendt åker og dyrka eng, 30 mål magert slåtteland, frå Fosselykkjun kom 3 skippund høy, hamninga var neppe tilstrekkeleg, dei lauva 400 kjerv, og bruket var svært tungbrukt. I 1865 hadde dei 3 naut, 6 sauer, 3 geiter, og sådde 1 tønne bygg og 3 tønner poteter.

Branntakst 1880: 1. Eit våningshus med tre rom og bordtak. 2. Ei bu med to rom og jordtak. 3. Ein låve med tre rom og flistak. 4. Eit fjøs med to rom og bordtak.

I 1887 selde Ola Monssen Vilhelmsbrøtin saman med to bruk under gnr. 42 til sønene *Martin* og *Kristoffer*. Dei kjøpte øvre og nedre Tømtitn i 1911.

Martin og Kristoffer selde i 1903 til *Syver Syverson Nerødegård* på nørdre Nerøydgarde. Dotter til Syver, *Sigrid,* og mannen hennar, *Ole Øiom,* som seinare overtok nørdre Nerøydgarden, budde her til 1910.

I 1910 vart Fosselykkja og skogen utskilde som eigne bruksnummer, og resten av bruket seld i 1911 til *Trond Iverson Milevasslien* gm *Anne Haldorsdotter Moen,* sjå Milevasslie 41/4. Etter å ha leigt bort Vilhelmsbrøtin nokre år, budde Trond og Anne frå 1914 fast i Vilhelmsbrøta om vintrane, og brukte Milevasslie som seter.

I 1946 overtok sonen *Ivar T. Milevasslien* f 1904 Vilhemsbrøtin og halvdelen i Milevasslien, gm *Ingeborg Knutsdotter Erstad,* Erstad 33/1, f 1904. Ivar var skogsarbeidar i over 50 år. Barn:

1. Trond f 1944 gm Berit Løkken, sjå Turibrøtin 27/5.
2. Knut f 1947, sjå Erstad 33/1.

Vilhelmsbrøtin har 30 da. innmark, av det 20 da. dyrka jord på fin helling. Våningshuset er gamalt, men restaurert, stabburet er også gamalt og uthuset nyare.

Solhaug bnr. 11

Solhaug vart utskild frå Vilhelmsbrøta i 1950 som bustadtomt til *Sigurd T. Milevasslien* f 1926 gm *Bertha Kloppbakken,* Nordre Land, f 1926. Sigurd er skytebas og har drive som tunnelarbeidar. Barn:

1. Tor Henry f 1951 gm Anne Karin Onstad, Aurland, bur der.
2. Guri Anne f 1955 gm Gunnar Midtmoen, Vestringsbygde, bur der.
4. Bente Synnøve f 1963.

Før staden vart utskild, budde *Ole Arneson Milevatnet* f 1862 g 1892 m *Siri Helgesdotter Joplassen* f 1857 her i ei gamal stugu. Ole var son til Arne Olson Bjødnaskaret og Marit Hallvorsdotter Milevatnet — «Hurra-Marit». Ole kalla denne staden for Skogstad, og gjekk difor under namnet «Ola Skogstad». Han var også kalla «Vassin» av di han og Siri frå 1890-åra hadde budd i ei stugu på Løn-

num ved Milevatnet. Ei tid budde Ole også i ei stugu på Bagnsmoe, som på folkemunne fekk namnet «Vassington». Ole og Siri fekk setja opp stugu si på Skogstad av Trond Milevasslien, og flytta han då frå Lønnum. Rundt stugu braut dei opp litt jord til hage og poteter. Barn:

1. Helge f 1893, til Oslo.
2. Anne Maria f 1895.
3. Henrik f 1899.

Føsselykkja bnr. 7

Føsselykkja, i daglegtale Bjørklund, har vore ein utslått. Eigedomen er på ca. 30 da., av det 4 da. dyrka jord. I 1911 vart Føsselykkja utskild frå Vilhelmsbrøta.

Anders Kleven i Bagn hadde staden som utslått. Deretter kjøpte *Olav Komperud* i Leiteplasse. Olav Komperud selde i 1956 til sonen Martin, som bygde bustadhus i Føsselykkjun i 1958.

Martin Komperud, Leiteplassen 47/7, f 1935, har vore gm *Gerd Bjørneskaret* f 1938, som eig no. Barn:

1. Solveig f 1955 gm Sverre Saglien, Etnedal.
2. Bente f 1957 gm Bjørn Steen.
3. Geir f 1958.
4. Odd Arve f 1960.

Midtskogen

I 1843 budde *Ola Arneson Fønnhuseige* gm *Gunhild Gudbrandsdotter Langedragseige,* sjå søre Håvårdsonplassen under Skaro, på Midtskoge under Storøydgarde.

Anders Gudbrandson Langedragslie gm *Dordi Arnesdotter Braka,* sjå nørdre Langedragslie 51/4, er nemnde på Midtskoge i 1850. I 1844 er dei nemnde på nedre Storøydgardseige, som sannsynlegvis også var Midtskogen. Anders var bror til den Aslak Gudbrandson som kan ha budd på plassen Aslaksrud under nedre Storøydgarde. Ikkje umogleg er Midtskogen identisk med Aslaksrud.

Nedre Storøydgardseige

Ola Eivindson Storøydgardseige, Tronhuseige, f 1747 d 1818 som husmann under Storøydgarde g 1. 1772 m *Marit Olsdotter Storøydgardseige* f ca. 1733 d 1810. Barn:

1. Eivind f 1775 gm Beret Olsdotter Vøll, sjå Hølersetereige.
2. Kari f 1778.
3. Beret f 1780.

Ola Eivindson g 2. 1811 m *Kjersti Sjugurdsdotter Lundeeige.*

Timann Sjugurdson nørdre Roo f 1746 d før 1814 g 1774 m *Kari Ellendsdotter Skaratn* f 1755 d 1828 som husmannskone på Storøydgardshaugenseige. Dei er nemnde på Roo 1776—80, på Kvål 1783, og var husmannsfolk under nedre Storøydgarde i 1801. Barn:

1. Sjugurd f 1776 fekk i 1801 dottera Gjartrud med Gjartrud Larsdotter Tomleeige frå Land. G 1804 m Kjersti Kristafersdotter Leikebakke, Bergseng 44/19, f 1780 d før 1811.

Dei fekk i 1804 sonen Timann på Leikebakkseige. På skiftet etter Kari Ellendsdotter i 1828 er Sjugurd kalla Sjugurd Timannson Lundeeige. Bruttoeiga var 82 spd. og nettoeiga 66 spd.

2. Gjartrud f 1778 d 1797.
3. Arne f 1780 gm Sønnev Toresdotter, sjå Bergseng 44/19.
4. Dorte f 1783.
5. Mogleg Ellend, ettersom myndlingane Kari og Olava Matea Ellendsdøtre Åmotseige er oppførte som arvingar på skiftet etter Kari.

Kari Ellendsdotter g 2. 1814 m *Ola Knutson Føss.*

Ellend Tøsteinson Storøydgarden g 1808 m *Marit Olsdotter Lundeeige* fekk i 1808 dottera Maren på Storøydgardseige. Det må vera den same Ellend som i 1808 fekk dottera Ingebjørg på Storøydgardseige med Siri Herbrandsdotter, og i 1799 sonen Nils med Ambjørg Tåmåsdotter Langøydgarden. Ellend Tøsteinson var då kalla Skjerstein.

Øvre Storøydgarden, gnr. 41

Øvregarden bnr. 1

Øvre Storøydgarden heiter i daglegtale «Øvrigard'n».

I vitneprov i 1767 i ei odelssak om øvre Bagn blir det fortalt om tilhøva mot slutten av 1600-talet, før det kom ny busetnad etter øydetida: *Ola Ivarson,* f ca. 1649 og som budde på nedre Bagn bruk I, og kona Ingrid Olsdotter, åtte og brukte nedre Bagn og Storøydgarden, som låg under nedre Bagn.

I 1696 selde *Kjell Olson* på nørdre Fønnhus halve Storøydgarden, eller 2 skinn, for 34 rd. til *Arne Andersson Tronhus.* Kjell Olson var gift med Gjøa Ivarsdotter, syster til Ola Ivarson Bagn, og i skøytet blir Storøydgarden omtala som «min odelseiende og brukende gårdplass». Arne Andersson selde i 1700 desse 2 skinna for 36 rd. til *Syver Erikson,* sjå nedre Bagn bruk I, verson til Ola Ivarson.

Sjugurd Erikson hadde lånt Ola Bjørnson Øyhus pengar, som han ved skiftet etter Ola framleis hadde til gode. For pengane skulle Sjugurd overta Øyhus. Enkja etter Ola, Beret Nilsdotter, skulle ha eitt mål åker og så mykje engeland som ho kunne fø ei ku og ein sau på. I 1700 vart Sjugurd og Beret einige om at Beret i staden fekk bygsle dei 2 skinna i øvre Storøydgarde på livstid. Beret brukte øvre Storøydgarden i 14 år som livaure, opplyste sonen Ola Olson Øyhus i odelssaka i 1767.

I 1704 stemna Sjugurd Erikson Øyhus, på vegner av verfaren Ola Ivarson, Kjell Olson Fønnhus og klaga han for å ha lagt under seg Storøydgarden. Kjell Fønnhus kunne ikkje prove med kva rett han brukte garden, som difor vart tildømd Ola Ivarson. — Stemninga galdt dei 2 skinna som Kjell Fønnhus brukte etter 1696, men dommen nemner heile garden på i alt 4 skinn.

I 1713 åtte Sjugurd Erikson alt, og makeskifta øvre Storøydgarden mot 8 skinn i øvre Bagn med *Mikjel Olson Bagn.*

Mikjel Olson makeskifta same dag Storøydgarden mot 2 skinn i Steinsetren med *Erik Arneson,* sjå Tronhus.

Til vintertinget i 1720, og med framhald på sumartinget, var Erik Arneson øvre Storøydgarden innstemna av Ola Ivarson Ølmhus fordi Erik ikkje ville halde ei avtale om tømmerleveranse til Anders Larsen Smidts bruk. Erik nekta for å ha inngått ei slik avtale, men hadde levert Ola Ølmhus 11 tylfter og 5 stokkar grantømmer for 20 rd. han hadde fått.

Våren 1719 hadde Ola Ølmhus late merke 24 tylfter og nokre stokkar av tømmeret til Erik Arneson. Tømmeret låg på isen under Steinsetren. Då Erik fekk høyre det, kom han sjølv ned til Steinsetre. Det vart sendt bod etter Ola Ølmhus. Erik føreslo at Ola kunne få kjøpe tømmeret om han ville betala 7 ort pr. tylft for gran- og 2 rd. 1 ort for furutømmeret. Men Ola sa nei. I staden vart dei einige om at Erik skulle få likje mykje umerka tømmer att som Ola hadde merka.

Erik hadde alt selt tømmeret sitt, irekna dei 24 tylftene, til Tåmås Hallsteinson Sørflate, og fått betaling. Då det ikkje vart noko resultat av forliket med Ola Ølmhus, gav Erik Tåmås lov til å merke opp att tømmerert Ola hadde merka fyrst.

Ettersom Ola Ølmhus ikkje kunne prove at han hadde nokon avtale med Erik Arneson om tømmerleveranse, vart Erik frikjend, og Ola Ølmhus måtte betala 6 rd. i sakskostnad.

I 1725 selde Erik Arneson, no på Tronhus, Storøydgarden, av skyld 4 1/2 skinn, for 600 rd. til broren *Anders Arneson* frå søre Fønnhus, rimelegvis f ca. 1686 etter eit skiftebrev på Fønnhus i 1700, d 1767 g 1714 m *Beret Olsdotter Hafton* f ca. 1689 d 1750. Anders Arneson åtte øvre Bagn bruk III ei tid frå 1715, og var også kalla Anders Arneson Bagn. Anders Arneson dreiv med eigedomshandel, var lastehandlar og opparbeidde seg ein stor formue. Ved skiftet etter Beret i 1750 var bruttoeiga 9030 rd. og nettoeiga så mykje som 8787 rd. I tradisjonen er Anders Arneson Bagn kjend som «Storigardskallen», og må ha vore ein mektig mann med ein spesiell posisjon i bygda. Barn:

1. Gunhild f 1715 d 1715.
2. *Arne* f 1716, neste brukar, g 1. m Anne Sjugurdsdotter, g 2. m Kari Embreksdotter, sjå nørdre Langøydgarden 41/3.
3. Gunhild f 1719 gm klokkar Nils Olson Bø, Aurdal.
4. Guri f 1725.
5. Mogleg Gunhild, d 1726 eit halvt år gamal.
6. Ola f 1728 gm Guro Ellendsdotter, sjå Hafton.

Arne Andersson Storøydgarden f 1716 var brukar ei tid før han flytta til nørdre Langøydgarden, g 1. 1738 m *Anne Sjugurdsdotter* f ca. 1718 d 1753. Ved skiftet etter Anne i 1753 var bruttoeiga 1390 rd. og nettoeiga 1212 rd. Barn:

1. *Anders* f 1739, neste brukar.
2. Eli f 1741 gm Hølje Aslakson Hølle, sjå Hølle 2/1.
3. Sjugurd f 1744 gm Anne Larsdotter Langedrag, sjå nørdre Langøydgarden 41/3.
4. Beret f 1747 d 1748.
5. Arne f 1749 gm Anne Timannsdotter Bøen, sjå Navrud.
6. Ola f 1752 d 1753.

Arne Andersson g 2. 1753 m *Kari Embreksdotter Høve,* sjå nørdre Langøydgarden 41/3.

I 1764 selde Anders Arneson, far til førnemnde Arne, garden til sonesonen *Anders Arneson nørdre Langøydgar-*

den for 800 rd., g 1766 m *Dorte Timannsdotter Bøen,* Bøen bruk III, f 1742. Barn:

1. Anne f 1767 gm Gunnar Olson Torsrud, sjå Hesthagin.
2. Ingrid f 1769 gm Mikjel Embrekson Maslangrud.
3. Gro f 1772 d 1772.

I 1764 vart også fastsett årleg livaure til Anders Arneson Bagn: 10 tylfter sagtømmer, neddrivne til Storelve, og røkt og stell av 4 kyr, 1 kvige, 8 sauer og 1 hest.

Dorte Timannsdotter g 2. 1773 m *Ola Knutson nørdre Lundatn* f 1748 d 1809. Barn:

Beret f 1775 d 1776.

Etter at Nils Olson nedre Storøydgarden hadde avvirka noko i skogen til øvre Storøydgarden, vart Nils og Ola Knutson øvre Storøydgarden i 1777 forlikte om grensa mellom gardane.

I 1790 hadde Ola Knutson innstemna grannen Sjugurd Arneson Langøydgarden for resterande hamneleige i ni år av strekninga aust for Svarttjedne til ytre Øydevatnet, som høyrde til Storøydgarden. Årleg leige var 1 bismarpund smør, hevda Ola. Sjugurd skulle også ha teke inn framande krøter. Sjugurd sa han ikkje kjende til nokon leigekontrakt, og hadde heller ikkje teke inn fleire krøter enn dei som vart fødde på garden hans.

I juli 1792 vart eit forlik stadfesta ved dom. Forliket galdt grensa mellom øvre Storøydgarden og Langøydgarden, og hamne og fiske som Langøydgarden kunne ha på eigedomen til Storøydgarden samt årleg leige for dette.

Men det vart ny strid om hamninga, og ei åstadsak tok til på setra Slette i september 1801. Sjugurd og Ola Mikjelsøner søre Langøydgarden samt Hølje Olson Onstad for Stanfinnmarke hadde stemna Ola Knutson Storøydgarden fordi han hadde sett opp eit gjerde og teke inn framande dyr så hamna vart snaubeita. Saka vart avslutta i 1804.

Gjennom mekling av slekt og vener vart partane då forlikte. Delelina skulle vera som på situasjonskartet som var laga, med Langøydgarden på den austre og Storøydgarden på den vestre sida. Då saksøkjarane ikkje hadde nok sumarhamne, skulle dei for alltid hamne i Storøydgarden sin eigedom vest for lina mot 2 ort i årleg leige. Oppsitjarane på Storøydgarde kunne ikkje opprette husmannsplassar eller gjerde inn slåtteland i den felles hamnestrekninga.

I 1788 selde Ola Knutson, som hadde løyst ut alle arvepartane på skiftet etter Anders Arneson i 1773, garden for 1000 rd. til *Gunnar Olson Torsrud,* gm eldste stedotter til Ola, Anne Andersdotter. Ola heldt unna eit lite skogstykke på åsen. Ein månad seinare selde Gunnar attende til *Ola Knutson* for 1199 rd.

I 1806 avtala Ola Knutson å selja garden til Ola Strømstad eller Kristianslund. Forlik om handelen vart stadfesta i forlikskommisjonen i 1807. På skiftet etter Ola Knutson i 1809 inngjekk Dorte Timannsdotter og dei andre arvingane forlik med *Ola Olson Strømstad* om resten av kjøpesummen, og i desember 1809 fekk han skøyte av skifteforvaltaren for 2350 rd. Ola Olson selde på same tid Storøydgarden til *Ola Andersson Lunde.*

I 1828 selde Ola Andersson Lunde for 820 spd. til *Ola Olson Erstad* f 1802 d 1841 g 1828 m *Guri Ellingsdotter Jukam* f ca. 1805 d 1838, syster til Ola Ellingson Maslangrud, er det opplyst på skiftet etter Ola i 1841. Ved dette

skiftet var bruttoeiga 1647 spd. og nettoeiga 1138 spd. Ved skiftet etter Guri i 1838 var bruttoeiga 1184 spd. og nettoeiga 1053 spd. Barn:

1. Guri f 1831 d 1834.
2. *Kari* f 1833 g 1. m skulehaldar *Mikjel Olson Mikjelsøydgarden,* brukarar seinare, sjå Sørbøen 39/1, g 2. m Ola Olson Sveitn.
3. Elling f 1836 d 1838.
4. *Ola,* neste eigar.

Ved skiftet etter Ola Olson Erstad vart garden i 1842 utlagd til sonen *Ola Olson* for 600 spd.

Forpaktarar for den unge Ola var *Ola Olson Fønnhus,* Piggemoen under nørdre Fønnhus, f 1818 g 1843 m *Anne Mikjelsdotter Hansebrøtahaugen* f 1821. Dei reiste til Torpa i 1848. Barn på Storøydgarde:

1. Kari f 1843.
2. Ola f 1844.
3. Mikjel f 1845.

Etter di eigaren Ola Olson døydde ung, vart garden overteken av systera *Kari Olsdotter* og mannen hennar, *Mikjel Olson Mikjelsøydgarden.* Dei var brukarar i 1865. Mikjel kjøpte Sørbøen 39/1 i 1863, sjå der.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 23 mål åker og dyrka eng, 74 mål slåtteland, 7 tylfter grantømmer kunne hoggast for sal, og dei lauva 2000 kjerv. I 1865 hadde dei 2 hestar, 13 naut, 20 sauer, 3 geiter, 1 gris, og sådde 1/8 tønne rug, 2 tønner bygg, 1 tønne blandkorn, 1/2 tønne havre og 4 tønner poteter.

I 1875 stod garden tom. I 1880 fekk son til Kari og Mikjel på Sørbøen, *Ole Mikkelson d.e.* — O. M. Øvergaard, skifteheimel. Etter eitt år forpakta han bort garden i to år, og reiste til Nes i Hallingdal som bankassistent hjå verbroren Thorvald Olsen. I 1883 flytta Ole attende til heimbygda og vart bonde for alvor. (Valdres 24.12.1925). Ole Mikkelson var g 1. m *Helene Haraldsdotter Hugulien,* Torpa. I 1889 kjøpte O.M. Øvergaard Ølmhus, og dei flytta dit, sjå Ølmhus.

I 1891 var *Ole Olson Dalen* gm *Berit Arnesdotter Leitet* forpaktarar. Dei er nemnde i Dale frå 1893, sjå Dalen 41/5.

Frå 1892 til 1902 var *Syver Olson Dalen* f 1863 d 1945 g 1890 m *Ingeborg Iversdotter Milevasslien* f 1858 d 1944, forpaktarar. Dei kjøpte Fagertun i Nordre Land, der dei var 1902—04, men kom attende og kjøpte Øvregarden av O.M. Øvergaard i 1904. Barn:

1. Ole f 1892 d 1919.
2. *Ivar* f 1900, neste brukar.

Ivar Syverson Øvergård f 1900 overtok i 1941, g 1934 m *Sigrid Martinsdotter Tomtene,* øvre Tømtitn 42/8, f 1896. Barn:

1. *Ola* f 1934, eigar no.
2. Mikael f 1938 gm Aud Synnøve Sørlie.

Øvregarden har 130 da. innmark, av det 60 da. dyrka jord. Det meste er flatlendt, men noko bratt. Skog og utmark er 2600 da. I innmarka er namna *Badstugueikra, Flate, Milesteinåker'n, Langåker'n, Hasleparten, Haugastykket, Bakkatn, Kvee* og *Brøtatn.*

Tunet har lenge hatt same skipnad. Våningshuset vart opptømra i 1856,

stabburet er det gamle våningshuset, fjøset vart bygt i vinkel med låven i 1907. Ei stugu er riven.

Den gamle setra Knaldre delte O.M. Øvergaard frå i 1886, og selde ho året etter til brørne Sjugurd og Arne Sjugurdsøner Nerødegård. Dei delte Knaldre mellom nørdre og søre Nerøydgarden. Skarsetre var i bruk til 1960.

I Valdres 10.9.1903 fortel Anders Lønnum ei gamal segn knytta til Øvregarden. Her skal ha levd ei rik og hovmodig prinsesse. Når ho rei til Ulekyrkja på Bagn, kunne ein høyre skrammelen frå den ringskodde hesten hennar like til Skar, den øvste garden i Vestre Bagn. Prinsessa skulle ha bygt ei kyrkje på Øvregarde, som det enno var omriss etter på innmarka, like ved vegen.

Milevasslie bnr. 4

Dei fyrste husmannsfolka me kjenner som kan ha vore i Milevasslien, nokre kilometer vestafor Øvregarde, er *Arne Mikjelson Steinsetre* f 1770 d 1823, son til Mikjel Arneson Eid og Ingrid Olsdotter, g 1793 m *Siri Knutsdotter nørdre Lundatn* f 1767 d 1837. Båe døydde på Storøydgardseige, men sonesonen Ola budde i Lien då han gifta seg i 1854. Arne og Siri er i 1794 nemnde på Tronhus, i 1796 på Eidseige, i 1799 og 1802 i Skarasetren, der dei også var i 1801, og i 1806 i Steinsetren. Barn:

1. Arne f 1794.
2. *Knut* f 1796, neste husmann.
3. Ingrid f 1799 gm Hølje Olson Tronhuseige, sjå Liatn under Øyhus.
4. Beret f 1802 d 1809.
5. Mikjel f 1806 gm Anne Arnesdotter Svartlie.

Knut Arneson Storøydgardseige f 1796 d 1875 i Prestbrøta g 1824 m *Marit Olsdotter Steinsetereige,* Liabekklie 52/4, f 1796. Barn:

1. Siri f 1825 g 1853 m Gul Sjugurdson Åseneige, Nybrøtin 55/2, til Amerika 1853.
2. Marit f 1828.
3. Arne f 1828, tvilling med Marit, til Amerika 1851.
4. *Ola* f 1833, neste husmann.
5. Beret f 1836 gm Trond Olson Bagnslie.
6. Ingebjørg f 1840.

Ola Knutson Lie f 1833 fekk husmannskontrakt i 1859, g 1854 m *Olea Amundsdotter Bagnslykkja* f 1826. Dei reiste til Amerika. På husmannskontrakten er i juli 1876 påført at Ola hadde fått erstatning, for plassarbeidet, før avreisa til Amerika. Barn:

1. Knut f 1855.
2. Anton f 1858.
3. Martin f 1860.
4. Andreas f 1863.
5. Barbro f 1866.
6. Maria f 1869.

I 1865 hadde dei 3 naut, 6 sauer og 6 geiter, og sådde 1 tønne bygg og 3 tønner poteter.

Ivar Olson Vabrøtin f 1831 d 1893 g 1857 m *Sesel Olsdotter Rushaug* f 1827 d 1893, er nemnde på Øvregardseige, eller Milevasslie, i 1873, og var neste husmannfolk. I 1860-åra budde dei i Rabbe under Bagnsøydgarde. Barn:

1. Ingebjørg f 1858 gm Syver Olson Dalen, sjå Øvregarden 41/1.
2. Ole f 1859 d 1861.

3. Anne f 1861 gm Anton Olson Skaroeige, sjå Brakajordet 44/8.
4. Anne f 1864 gm Trond Olson Bråtån, sjå Bråtån 67/9.
5. Tøran f 1867, til Raufoss.
6. *Ole* f 1869, neste husmann.
7. *Trond* f 1873, overtok etter Ole.
8. Ole f 1873, tvilling med Trond, gm Karoline Mathiasdotter Kleven, Jukamskleive 36/15, i 1905 på Berg i Bruflat.

I 1895 fekk *Ole Iverson Milevasslien* f 1869 d 1896 husmannskontrakt, g 1893 m *Tonetta Syversdotter Gottenborg*. Tonetta budde her også i 1900. Barn:

1. Sigrid f 1895.
2. Olga f 1896.

Etter skylddeling i 1904 fekk *Trond Iverson Milevasslie* f 1873 d 1961 skøyte i 1905, g 1902 m *Anne Haldorsdotter Kyrkjebjørgmoen* f 1878 d 1953. Trond kjøpte seinare også Vilhelmsbrøtin. Etter 1914 budde familien fast i Vilhelmsbrøta om vintrane, og brukte Milevasslie som seter til slutten av 1930-åra. Dei hadde også krøter for andre i Milevasslien. Sonen Haldor budde her dei siste åra før og under krigen. Barn:

1. Sigrid f 1903 d 20 år gamal.
2. Ivar f 1904 gm Ingeborg Knutsdotter Erstad, sjå Vilhelmsbrøtin 40/3.
3. Haldor f 1906 gm Olga Karine Hagen, Reinli, sjå Lund 74/101.
4. Ole f 1908 gm Inga Hagen, Reinli, sjå Solbakken 41/12.
5. Åsta f 1910 gm Arvid Johnsen, Østre Toten, sjå Granli 46/12.
6. Gunhild f 1912 gm Anders Bjørneskaret, sjå Slettmo 50/42, 43.
7. *Hans* f 1914, eigar frå 1946. Hans hadde hest i mange år, og dreiv som tømmerkøyrar og hoggar. Saman med broren Per har han vore byggmeister dei siste åra.
8. Per f 1916 gm Marie Gamlemoen, Barlund 39/55.
9. Tøran Olaug f 1918.
10. Ingebjørg f 1922 gm Erik Skjærstein.
11. Sigurd f 1926 gm Berta Kloppbakken, Nordre Land, sjå Solhaug 40/11.

Innmarka har vore 30 da., av det er 15 da. dyrka jord. Skogen på ca. 700 da. er delt mellom Milevasslie og Vilhelmsbrøtin. Det var krøter til 1960-åra.

Den eldste gardsvegen gjekk opp det brattaste jordet. Bilveg kom om lag 1970.

Den gamle stugu vart riven etter krigen. Låven med lyu, treskjelåve og brøt vart riven i 1960-åra. Det gamle fjøset dei brukte medan Milevasslie var seter, er også rive.

Solbakken bnr. 12

Bustadhus 1957 på tomt utskild frå Milevasslien i 1953, bygt av *Ole Milevasslien* f 1908 gm *Inga Kristine Halvorsdotter Hagen,* Hagin 13/43, f 1907. Barn:

1. Anlaug f 1940 gm Gudbrand Gunnersby, Haugsbygda, Ringerike, bur der.
2. Harry f 1942.
3. Trond f 1944.

Dalen bnr. 5

I eldre tid skal Dalen ha vore to bruk, er det sagt: Dalen og Øvregardsbrøtin. Dalen låg øvst i skråningen, der det no er kalla *Tømtitn,* og som er ein del av innmarka. Her syner det hustomter.

Av skriftlege kjelder er det berre folketeljinga 1865 som opplyser om to bustader, då Ola Knutson og Ola Olson var husmenn med jord. Fyrstnemnde hadde lenge vore husmann og budde i *Bakka,* og sistnemnde i *Dale.* Kan hende var *Bakkin* ei form for livaursbustad.

Etter tradisjonen skal ein *Knut* ha vore husmann langt attende.

Dei fyrste husmannsfolka som kan identifiserast, er *Lars Embrekson Maslangrud* — «Lars i Dale» — gm *Kari Sveinsdotter Bagn.* Dei åtte søre Bagnsjordet 39/13, sjå der, men måtte gå frå garden. Lars er nemnd på Storøydgardseige, eller Dalen, i 1811, men døydde som husmann under Langøydgarde i 1828.

Ola Knutson Storøydgardseige f 1786 i Land d 1875, visstnok kalla «Daksen», g 1824 m *Anne Knutsdotter Lundeeige* f 1798 d 1888. Ola og Anne er berre nemnde på Storøydgardseige, og var i 1865 husmannsfolk i Bakka. Barn:

1. Mari f 1825 gm Aslak Gudbrandson Langedragslie, sjå Aslaksrud under nedre Storøydgarde.
2. Knut f 1827 gm Marte Eriksdotter Skålerud, sjå Vilhelmsbrøtin 40/3.
3. Mikjel f 1830, til Land 1856.
4. Kristian f 1832 d 1837.
5. Anne Maria f 1835.
6. Kristine f 1840 g 1. m Hallvor Olson Vabrøtin, g 2. m Ivar Jeremiasson Plassen, sjå båe gonger Bagnsbakkatn.

Ola og Anne hadde i 1865 1 ku, 4 sauer, 2 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg og 1 tønne poteter.

I 1856 fekk Ola Olson Gastgjevarhaugen husmannskontrakt på plassen Dalen. Dette var anten «Små-Ola», bror til skulehaldar Ola Dønhaug og gm *Anne Olsdotter Høvseige,* sjå Brøtin under Gastgjevarhauge, eller son til Ola og Anne. Ola Olson d.e. skal sjølv ha vore i Dale. Han var ein dyktig handverkar som bygde nye hus, og var t.d. med på å tømre opp nytt våningshus på Øvregarde.

Ola Olson Rushaug, f 1832 d 1909, son til Ola og Anne, g 1857 m *Kari Sjugurdsdotter Roahagin* f 1828 d 1912, var husmannsfolk i 1865. Barn:

1. *Ole* f 1858, neste husmann.
2. Anne f 1860 gm Nils Nilsson Øybakken, Nordre Land.
3. Syver f 1863 gm Ingeborg Iversdotter Milevasslien, kjøpte Øvregarden 41/1, sjå der.
4. Anders f 1866 d 1895.
5. Guri f 1869 gm Thomas Syverson Trondhjem eller Molandssveen, Etnedal.

Etter skylddeling i 1904 vart Dalen i 1905 seld til *Ole Olson Dalen* f 1858 d 1943, som var snikkar, g 1882 m *Berit Arnesdotter nørdre Leitet* f 1857 d 1900. Barn:

1. *Olaf* f 1883, neste brukar.
2. Anders f 1885 gm Maren Olsdotter Skjerstein.
3. Sigurd f 1887 d 1960 gm Tora Langødegård, gardbrukarar ved Dokka.

4. Kristian f 1890 gm Ragnhild Tollefsdotter Granum, Etnedal, sjå Bøle 45/3.
8. Erling f 1891 gm Inga Bøhle, sjå nørdre Nerøydgarden 40/1.
5. Ottar f 1893.
7. Martin f 1896 gm Margit Sørengen, Vestre Slidre, sjå Hagin 42/7.
6. Anna Karoline f 1897 gm Hjalmar Hovde, Røn, budde der.

I 1917 fekk *Olaf Dalen* f 1883 d 1966 kjøpekontrakt, g 1912 m *Tora Jensine Arnesdotter Brager,* Braka 44/1, f 1893 d 1920. Barn:

1. *Arne* f 1913, neste brukar.
2. Bergljot f 1915 d 1961.
3. Ole f 1917 gm Dagny Nerødegård, sjå Rostad 41/15.
4. Thoralf f 1919 gm Guri Helland, sjå Ellendshaugen 37/2.

Arne Dalen f 1913 d 1982, byggmeister, overtok i 1951, gm *Ingrid Kloppbakken,* Nordre Land, f 1922. Barn:

1. *Ove Harald* f 1941, eigar no, gm Marie Synnøve Lunde, Skedsmo.
2. Gerd Torunn f 1946 gm Arve Korslund, Dokka, bur der.
3. Brit f 1949 gm Odd Svein Åmodt, Etnedal, f 1949. Dei bygde i 1974 bustadhuset Dalvang bnr. 20 på utskild tomt. Barn: 1. Jonny f 1968. 2. Heine f 1972. 3. Geir f 1974.
4. Randi f 1951 gm Magnus Svenstad, sjå Hølvegen 36/21.
5. Arild f 1958 gm May Irene Sætra, Kongsvinger.
6. Bjørn f 1962.
7. Finn f 1964.

Dalen har 20 da. dyrka jord, 20 da. anna jordbruksareal, 50 da. utmark og 200 da. produktiv skog. Det var gardsdrift til 1970, seinare har jorda vore bortleigd. Husa er våningshus frå 1958, uthus, stabbur og kårstugu. Setra Mørkedalen vart seld kring 1910.

Rostad bnr. 15

Bustadhus 1960 på tomt utskild frå Dale, bygt av *Ole O. Dalen* f 1917 gm *Dagny Marie Nerødegård* f 1938. Barn:

1. Tore f 1962.
2. Robert f 1965.

Øvre Storøydgardseige

Mikjel Arneson Bagn, mogleg frå Lundoeige og f 1721, g 1746 m *Guri Gunnarsdotter Dølve,* Dølveskamben, f 1715 d 1774 på Storøydgardseige, er nemnde i Lundo 1748, -51 og -58, i Koparviken 1755 og var i 1766 på ein plass under øvre Storøydgarde. Barn:

1. Eli f 1748.
2. Anne f 1751.
3. Signe f 1755.
4. Guro f 1758.

Mikjel Arneson g 2. 1755 m *Ragnhild Gudbrandsdotter Bagn,* sjå Finnhert 39/24.

Lennert Johanson Bøen, Bakkatn 12/1, f 1736 d 1801 g 3. 1778 m *Helga Torkjellsdotter Bøen,* Bøenseige, f 1742 d 1801, var i 1801 på ein plass under øvre Storøydgarde. I 1765 var Lennert kalla Langøydgarden. Barn som me kjenner:

1. Gjartrud f ca. 1779 gm Ola Kristian Hansson Bagn, sjå Bagnseige.
2. Johan f ca. 1781.
3. Torkjell f ca. 1783.

Jeremias Knutson Storøydgarden f ca. 1755 d 1809 i Lundo g 1788 m *Marit Olsdotter Byfellie* er nemnde i Lundo og på Storøydgardseige 1789, på Hølersetereige 1793 og på Storøydgardseige frå 1796. Barn:

1. Beret f 1789 (døypt i januar) d 1789.
2. Knut f 1789 (døypt i desember) d 1797.
3. Ola f 1793.
4. Arne f 1796 d 1797.
5. Knut f 1799.
6. Arne f 1803, truleg den Arne Jeremiasson Solbrekkseige som i 1828 gifta seg med Jøren Hansdotter Langedrag.

Ola Arneson Skarasetre f 1764 d 1838 på Skarasetereige g 1790 m *Lussi Olsdottter Garthus,* Garthuseige, f 1755 d 1843 i Langedragslien — Lussiplassen. Dei er nemnde på Storøydgardseige i 1792 og var husmannsfolk på ein plass under øvre Storøydgarde i 1801. Sonen døydde på Brakaeige i 1811. Barn:

Arne f 1792 d 1811.

Brenninge

I 1855 er *Ola Gudbrandson* og *Karen Dagfinnsdotter* nemnde i Brenningen under Storøydgarde, i 1858 på ein stad kalla Brattli på Leirskoge og i 1860 på Brakaeige, sjå Brattebakke 44/17.

Storøydgardseige

Jakob Hallvorson Stavadalen f 1699 d 1773 på Storøydgardseige g 1729 m *Siri Olsdotter,* truleg frå søre Fønnhus og f 1707. Dei er nemnde i Stavadale 1729, på Storøydgarde 1731, -32 og -50, i Åse 1735, på Tronhus 1738 og -40, på Hafton 1746 og -53 og på Stanfinnmarken 1748. I 1766 var dei på ein plass under Storøydgarde. Barn:

1. Kari f 1729 gm Erik Arneson nørdre Øyhus.
2. Hallvor f 1731.
3. *Ola* f 1732, sjå nedafor.
4. Ingebjørg f 1735 d 1805 på Storøydgarde.
5. Anne f 1735, tvilling med Ingebjørg, gm Gudbrand Knutson Klosbøle. I 1766 fekk Anne dottera Anne med Arne Sjugurdson Jukamseige.
6. Marit f 1738.
7. Arne f 1740.
8. Marit f 1746.
9. Arne f 1748.
10. Hallvor f 1750.
11. Arne f 1753 d 1799 på Hafton.

Ola Jakobson Storøydgarden, sjå ovafor, f 1732 d 1766 som husmann under Storøydgarde g 1760 m *Rønnaug Tøsteinsdotter.* Barn:

1. Siri f 1760.
2. Marit f 1762.
3. Marit f 1764.

Rønnaug Tøsteinsdotter g 2. 1771 m *Anders Mikjelson Storøydgarden.* Rønnaug var i 1771 kalla Dølve.

Ola Ellendson Storøydgarden g 1763 m *Beret Andersdotter Storøydgarden* er nemnde på Storøydgarde og Storøydgardseige 1759 og -65, men er ikkje oppførte under Storøydgarde i 1766. Barn:

1. Ola f 1759.
2. Mari f 1765.

Arne Arneson Storøydgarden f ca. 1714 d 1790 på Storøydgardseige g som enkjemann i 1767 m *Marit Olsdotter Storøydgarden*. Barn:

1. Anne f 1768.
2. Siri f 1771 fekk i 1794 sonen Mads med Pål Madsson Tomleeige.

Ola Olson Langedragseige f ca. 1783 g 1817 m *Ingebjørg Jensdotter Leistrud*, truleg Dølvesbrenne og f 1783, d 1871 i Bjødnsplasse. Dei er nemnde på Langedragseige 1817 og på Storøydgardseige frå 1821. Barn:

1. Gunhild f 1817 gm Johannes Kristaferson Tomlevollseige, sjå Juvebrenne under Juven.
2. Ola f 1821 gm Gunhild Mikjelsdotter Braka, sjå nedre Bjødnsplassen under Dølve.
3. Jens f 1823.
4. Anne f 1826.

Storøydgarden, ukjend bustad

Mons Akselson Haug g 1733 m *Anne Olsdotter* er nemnde på Storøydgarde 1741, og var i 1735 på Langedrag og i 1737 på Braka. Barn som me kjenner:

1. Aksel f 1735.
2. Ingebjørg f 1737 g 1. m Erik Olson Lundatn, sjå nørdre Leitet 49/1, g 2. m Hans Olson Juve, sjå Juve 26/2.
3. Ola f 1741.

Nørdre Langøydgarden bnr. 3

Nørdre Langøydgarden er i daglegtale kalla «Langigard'n», også «Langegard'n».

Nørdre Langøydgarden er den eine halvdelen av «Berg ødegård», nemnd fyrste gong i 1640. I 1650 vart Langøydgarden pantsett av Ola øvre Magistad i Slidre som brukeleg pant til Ola Gudbrandson på nedre Bagn bruk II. På skiftet etter etterkomarar etter Ola Gudbrandson i 1735 og -48 er garden kalla odelsgods, men pantegods i 1759.

Ola Gudbrandson Bagn let sonen *Knut Gudbrandson* f ca. 1655 d 1734, gravlagd 1735, overta Langøydgarden. Knut var gm *Guri Olsdotter* f ca. 1651 d 1736. Knut og Guri kom til Langøydgarden seinast i 1692, og var rimelegvis dei fyrste som bygde her etter øydetida. Ved skiftet etter Knut i 1735 var bruttoeiga 416 rd. og nettoeiga 367 rd. Barn som me kjenner:

1. Inger (Inge) f ca. 1684 d 1699.
2. *Per* f ca. 1687, neste brukar.
3. Gudbrand f 1692 d 1730.
4. Anne f 1694 d ung.
5. Arne f ca. 1695 gm Siri Sjugurdsdotter, sjå øvre Bagn bruk III.
6. Gjartrud f 1697 d 1699.
7. Gunhild, i 1735 enkje og trulova med Ola Jensson Knutslia, Land.

Til tinget i mars 1712 hadde Knut Langøydgarden innstemna grannen Ola Bjørn-

Nørdre Langøydgarden, eller berre Langøydgarden. Fotografiet skal vera frå før 1911.

son Storøydgarden fordi Ola ikkje ville betala 10 rd. for skade og kostnader som han hadde lova. Ola møtte ikkje. Han hadde vist til at han ikkje hadde pengar, og sagt at han ville reise til Grundsetmarken.

Per Knutson Langøydgarden f ca. 1687 d 1748 fekk i 1735 skøyte frå dei andre arvingane for 120 rd., g 1721 m *Siri Kristafersdotter Langedrag* f 1695. Ved skiftet etter Per i 1748 var bruttoeiga 386 rd. og nettoeiga 284 rd. Barn:

1. *Knut* f 1722, neste brukar.
2. Tøren f 1724 gm Jøger Gullikson nørdre Vøll.
3. Guri f 1728 gm Harald Kristenson Stugarden, sjå under Stugarden.

Siri Kristafersdotter g 2. 1750 m *Ola Olson Ølmhus,* sjå der.

I 1731 hadde Mikjel Olson søre Langøydgarden og Per Knutson nørdre Langøydgarden innstemna grannane Jens og Ivar Braka og Anders Leikebakke om grenseoppgang, sjå søre Langøydgarden.

Knut Person Langøydgarden f 1722 g 1749 m *Beret Bjørnsdotter Bagn.* Dei er nemnde på Langøydgarde til 1758, men i 1759 var Knut kalla Bagnsøydgarden. Barn på Langøydgarde:

1. Ola f 1749.
2. Kristafer f 1751.
3. Siri f 1752.
4. Arne f 1754.
5. Arne f 1756.
6. Marit f 1758.

I 1756 selde Mikjel Hallvorson Berg i Svenes, tilsynelatande ein etterkomar

etter Ola Magistad som pantsette nørdre Langøydgarden i 1650, odelsretten til Knut Person for 100 rd.

I 1759 selde Knut garden, kalla pantegods, for 500 rd. til *Mikjel Hallvorson Berg,* som hadde odelsrett.

Mikjel Hallvorson selde i 1760 for 520 rd. til *Ola Olson Ølmhus,* som var gift med mor til Knut Person.

Til sumartinget i 1759 hadde Ola Ølmhus innstemna Sjugurd Skaratn og Anders Simenson av di dei hadde teke seg til å bruke ein part i Langøydgarde, som Ola Ølmhus meinte var eigedomen sin. Ola viste til giftarmålet med Siri Kristafersdotter, og til at sonen Knut hadde kjøpt odelsretten. — Dette var rett før Knut selde garden til Mikjel Hallvorson Berg. — Dei innstemna vart dømde til å betala landskyld til Ola Ølmhus for bruken, og dessutan sakskostnaden.

Ola Ølmhus selde i 1761 for 565 rd. til *Arne Andersson Langøydgarden,* øvre Storøydgarden, f 1716 d 1767 g 2. 1754 m *Kari Embreksdotter Høve,* Høve bruk II, f 1733. Dei er nemnde i Steinsetren i 1758 og -60 før dei kom til nørdre Langøydgarden. Barn:

1. *Embrek* f 1755, neste eigar, g 1780 m Siri Hallsteinsdotter Rustebakke, sjå søre Øyhus 50/15.
2. Anne f 1758.
3. Ola f 1760.
4. Beret f 1762 g 1. m Bjørn Sjugurdson Høve bruk I, g 2. m Amund Amundson Stavadalen, sjå søre Stavadalen bruk I.
5. Ola f 1764 d 1764.
6. Guri f 1765 gm Ola Hermannson Bøen, sjå Kallskøt.
7. Arne f 1768 mogleg d 1774.

Kari Embreksdotter g 2. 1768 m *Hallstein Haraldson Garthus* f 1743 d 1773 på Øyhus. Hallstein kjøpte søre Øyhus i 1773. Barn:

1. Harald f 1770 gm Jøren Henriksdotter Ton, sjå Brenno 14/4.
2. Beret f 1771 d 1772.
3. Beret f 1773.

Kari Embreksdotter g 3. 1773 m *Gudbrand Olson Steinsrud,* sjå søre Øyhus 50/15.

I 1777 selde Gudbrand Olson Øyhus for 605 rd. til stesonen *Embrek Arneson Langøydgarden* f 1755.

Embrek selde i 1781 for 705 rd. til halvbroren *Sjugurd Arneson Langøydgarden* f 1744, skifte i 1793, son til Arne Andersson i fyrste ekteskap, g 1769 m *Anne Larsdotter Langedrag,* frå Rudstaden, Nordre Land, sjå Langedrag, f ca. 1749. Ved skiftet etter Sjugurd var bruttoeiga 699 rd. og nettoeiga 583 rd. Barn:

1. *Arne* f 1769, neste brukar.
2. Lars f 1772 d 1773.
3. Ingrid f 1776.
4. Kristafer f 1781 g 1. m Anne Mikjelsdotter Tronhuseige, g 2. m Tøren Johannesdotter Storøydgarden, sjå båe gonger Tåmåsbrøtin under Tømto.

Anne Larsdotter g 2. 1796 m *Arne Arneson Skarasetre,* sjå nørdre Langøydgardseige.

I 1792 selde Sjugurd Arneson eigedomane sine for i alt 1500 rd. til sonen Arne: Nørdre Langøydgarden av skyld 3 skinn, 1 skinn i nedre Storøydgarde — Haugen bnr. 2 — og 1/2 skinn i Steinsetren.

Ingrid Langøydgarden f Stavadalen 1800, gift med «Øske-Embrek», og d på Steinsrud i 1889.

Livauret til Sjugurd og Anne skulle vera 5 tønner stritt bygg, 1 tønne malt, røkt og stell av 4 kyr og 6 småkrøter, 1/4 tønne salt, 4 settingar hampesæd og 1/4 mål åker til potetavl. Livaursfolka hadde rett til å bryte så mykje åker eller eng utafor gjerdet som dei fann for godt, og lauve innafor gjerdet til krøter som dei måtte ynskje å ha i tillegg til dei førnemnde. Av hus skulle dei ha ei gamal bu med loft over, det øvre stabburet og ville til sumaren lafte ei ny stugu til våningshus. Kjøparen skulle skaffe bygningsvirke.

Då Arne selde garden i 1797, skulle kjøparen svara livauret til Anne Larsdotter. Arne hadde då bygt ei ny stugu til henne og innreidt koven. Stugu skulle kjøparen innreide. Anne hadde rett til å bruke vevreiskapen på garden.

Arne Sjugurdson Langøydgarden f 1769 gm *Anne Kristafersdotter,* stedotter til Lars Larsson Kolterud i Land, bror til mor til Arne Sjugurdson. Barn som me kjenner:

1. Ingrid f 1792.
2. Sjugurd f 1795.
3. Marit f 1796.

I 1795 innstemna Arne Sjugurdson Lars Olson Steinsetre til å høyre vitne om eit makeskifte dei skulle ha gjort same sumar om gardane Steinsetre, Langøydgarden og nedre Storøydgarden. Lars skulle overlata Steinsetre, og Arne Langøydgarden og det eine skinnet han åtte i nedre Storøydgarde. Makeskiftet vart ikkje noko av, sjå Steinsetre.

I tiåra kring 1800 var det tvist om hamnetilhøva mellom Storøydgarden og Langøydgarden, sjå øvre Storøydgarden.

I 1797 selde Arne Sjugurdson Langøydgarden for 900 rd. til *Gunnar Olson Hesthagin* gm *Beret Olsdotter Vøll,* sjå under Garthus.

I 1810 makeskifta Gunnar Olson Langøydgarden mot ein del av Garthus med broren *Ola Olson Garthus* gm *Andrea Østensdotter Garthus,* sjå under Garthus. Dei sistnemnde flytta sidan til Føss.

Ola Olson Garthus selde i 1813 for 900 spd. til *Embrek Håvårdson Langøydgarden,* Haugen 40/2, f 1789 d 1863 g 1821 m *Ingrid Olsdotter Stavadalen* f 1800 d 1889. Embrek hadde vore med ved Kongsvinger under krigen i 1814. Barn:

1. *Håvård* f 1823, neste brukar.
2. Ola f 1826 gm Anne Maria Olsdotter Ølmhus, sjå Storsvee 50/11.

3. Ingrid f 1828 gm Erik Gunnarson Garthus, sjå Brunbakke.
4. Sjugurd f 1831 d 1831.
5. Gunhild f 1832 gm Arne Olson Ølmhus, sjå Åsen.
6. Sjugurd f 1835 gm Guri Hermannsdotter Hølersetre, sjå Steinsrud.
7. Siri f 1837 gm Ola Olson Mikjelsøydgarden.
8. *Anton* f 1841, brukar etter Håvård.
9. Dorte f 1843 gm Ola Johannesson nørdre Garthus.

Embrek Håvårdson, kalla «Øske-Embrek», vart ein rik mann gjennom å handle med pottoske. Pottoska vart framstilt ved å koke inn utluta oske, som skilde seg ut og sette seg på botnen av panna — potta. Vidare foredling førte til eit produkt som m.a. vart brukt til å framstille glass og såpe, i fargeri og kjemiske fabrikkar.

Embrek kjøpte opp all oske frå Sparkevik til Tørrisplassen, er det fortalt. Mesteparten av oska brende han på Langøydgarde, der det står att ei oppmura panne til kokinga. Skrive kunne han ikkje, men hadde all rekneskapen i hovudet. Alle innkjøp gjorde han sjølv, og køyrde oska til Bragernes og selde ho der.

Etter kvart kjøpte han nabogarden Haugen, nedre Tronhussetre, Storsvee og Steinsrud. Av desse brukte han sjølv fire i lengre tid. Embrek døydde på Steinsrud som ein mykje akta mann. (Dels frå Valdres 10.10.1903.)

I 1848 selde Embrek Langøydgarden for 200 spd. til sonen *Håvård Embrekson* f 1823 d 1879 g 1848 m *Åse Gudbrandsdotter Espeset* f ca. 1820.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 20 mål høglendt åker og dyrka eng, 53 mål slåtteland, frå setrar og utmark kom 13 skippund høy, det kunne hoggast 2 tylfter gran- og furutømmer, og dei lauva 600 kjerv. I 1865 hadde dei hest, 7 naut, 17 sauer, 1 gris, og sådde 1/8 tønne rug, 2 tønner bygg, 1 tønne havre og 4 tønner poteter.

I 1874 selde Håvård Embrekson for 550 spd. til broren *Anton Embrekson Steinsrud* f 1841 d 1930 g 1. 1864 m *Marit Olsdotter Tømtitn* f 1842 d 1883. Anton brukte fyrst Åsen i to år. Deretter kjøpte han Høve i Reinli, men selde etter eitt år av di han ikkje treivst. Så kjøpte han Jordet i Begnadalen, der han var i fem år før han overtok Langøydgarden. Då det i 1878 vart bygt veg over Leirskogen, førestod Anton arbeidet saman med Ole Mikkelsgård og Syver Nerødegård. (Valdres 2.4.1927.) Barn:

1. Ingrid f 1871 gm Martin Olson Bondli, Torpa.
2. Ingeborg f 1879 gm Harald Haraldson Skar.

Anton Embrekson g 2. 1884 m *Ingrid Mikkelsdotter Brattrud,* midtre Brattrud 23/9, f 1858 d 1938. Barn:

1. Marit f 1885 gm Isak Olson Skjerstein, busette på Vassliåsen, Land.
2. Thora f 1887 gm Sigurd Olson Dahlen, busette ved Dokka.
3. Emma f 1888.
4. Engebret f 1891 d 1893.
5. Maria f 1893.
6. *Engebret* f 1896, neste brukar.
7. Mikael f 1901 gm Kari Sigurdsdotter Sørbøen, sjå Langeid 41/16.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med steintak. 2. Eit våningshus med bordtak. 3. Eit stabbur med steintak. 4. Ein skåle med bordtak.

I 1919 selde Anton Engebretson til sonen *Engebret Antonson Langøde-*

Barna til Anton Embrekson Langøydgarden f 1841, som var gift to gonger. Frå venstre: Thora, Mikael, Marit, Ingrid (fyrste ekteskap), Emma, Engebret, neste brukar, og Ingeborg (fyrste ekteskap).

gård f 1896 g 1922 m *Ingrid Thomasdotter Langedrag* f 1897 d 1975. Barn:

1. Ingrid f 1922 d 1924.
2. *Anton* f 1923, neste brukar.
3. Kjellaug f 1925 gm Gustav Nysted, Engerdal.
4. Ingegerd f 1926 gm Gunnar Løvset, Bærum.
5. *Thomas* f 1931, eigar 1970—74, gm Signy Huset, sjå Steinsvoll 37/53.
6. Ingrid f 1936 gm Lars Skreien, Odda.

Anton E. Langødegård f 1923 d 1976 g 1. m *Marit Bråten,* Røn. Dei har dottera Ingrid f 1952. G 2. m *Inger Bertine Bøhle,* Nilsebøle 50/13, f 1924. Barn:

Erland f 1964.

Nørdre Langøydgarden har 40 da. dyrka jord og 1500 da. skog og utmark, av det 1300 da. skog. Den øvste delen av jordvegen er noko bratt. Namn i innmarka er *Bergåker'n, Tømtehaugen* — der det gamle tunet skal ha stått, *Krokåker'n, Badstugueikra, Låvejordet* — no attvakse, *Storåker'n,* øvre og nedre *Snylhusmyre, Eldhuseikra* og *Lønnumsmyre.* Etter 1950 har jorda dels vore bortleigd

Bygningen er gamal og vart restaurert i 1911. Stabburet, skåle og låve er gamle. Kårhuset vart oppsett av Embrek Håvardson i 1839 og rive i 1977. Denne bygningen hadde to høgder, var bordsydd og måla utvendig og innvendig, noko som var storveges i den tida. Embrek hadde meint å ha huset til livaursbustad sjølv, men flytta til Steinsrud. Andre høgda er sett opp som hytte på Sletto.

På den gamle setra, Sletto, var det siste gong setring i 1951. Her er overflatedyrka 12 da.

Langeid bnr. 16

Bustadhus 1961 på tomt utskild frå Langøydgarde i 1961, bygt av lærar *Mikael Langødegård* f 1901 gm *Kari Sørbøen,* Sveitn 43/2, f 1909. Barn:

1. Anton f 1935 gm Oddlaug Markegård, Hemsedal, busette i Nesbyen.
2. Hjørdis f 1937, busett i Moss.
3. Ingegerd f 1940 gm Ole Fugleberg, Trondheim, busette på Jessheim.
4. Live Sigrunn f 1947 gm Syver Hafton, busette i Bruflat.
5. Sigurd Mikael f 1950, busett i Oslo.

Skogheim bnr. 11 og Håvårdsmyre bnr. 7

I 1925 kjøpte Thorvald O. Lien eit myrstykke frå Langøydgarde, utskild i 1924, som han rydda og dyrka til fôravl. *Thorvald O. Lien* og kona *Kari* budde i nørdre Langedragslien 51/4, sjå der. Kring 1926 sette Thorvald opp ei lita stugu ved myra, der han og Kari budde på sine gamle dagar. Stugu kom opphavleg frå Reinli, og var oppsett av Anders Lønnum i Lønnum under Langøydgarde.

I 1936 selde Kari Lien myra m.v. til sonen *Gunnar T. Lien,* som i 1939 selde til broren *Tormod Lien* f 1907. Tormod reiste saman med to brør til Canada i 1929, men kom tilbake før krigen. Tormod Lien gm *Magnhild Olsdotter Brager* f 1920 flytta til staden i 1943. Dei kjøpte 10 da. av Engebret Langødegård, m.a. til tomt, og bygde nytt bustadhus i 1953. Uthuset vart bygt i 1942. Tormod og Magnhild hadde to kyr og hest, og sauer til 1966. Gravsetre vart seld kring 1960. Tormod har arbeidt i skogen. Barn:

1. Trygve f 1940.
2. Elsa Karin f 1941.

Bergei

Plassen Bergei under nørdre Langøydgarde låg opp frå garden, innafor eit berg. Her var det var lunt og godt, og vidt utsyn over åser og fjell.

Dei som rydda Bergei, var nok *Sjugurd Arneson Braka,* Skjerstein bruk I og II, f 1803 d 1891 i Bergei g 1829 m *Ingrid Håvårdsdotter Storøydgarden,* Haugen 40/2, f 1802. Sjugurd i Bergei hadde godt humør og var rask i replikken: Folk seier at Bergei ligg under Langøydgarde, men det er Langøydgarden som ligg under Bergei! Sjugurd og Ingrid er nemnde på Braka 1829—37, på nedre Storøydgarde i 1834 og på Langøydgardseige eller Bergei frå 1840. Barn:

1. Ingebjørg f 1829.
2. Arne f 1830 gm Guri Olsdotter Granum, Bruflat, kjøpte nedre Storøydgarden bruk I saman med broren Sjugurd, sjå søre Nerøydgarden 40/4.
3. Ragnhild f 1833.
4. Håvård f 1834, kjøpte Brattlia i Torpa.
5. Sjugurd f 1837 gm Marit Olsdotter Dalen, sjå nørdre Nerøydgarden 40/1.
6. Mikjel f 1840 gm Tonette Håvårdsdotter Skaratn, Smedmoen 50/23, f 1851. Tonette og Mikjel reiste i 1871 til Land, og var ikkje gifte då. Barn i Bergei: Syver f 1873 d 1874. Ingrid f 1875. I 1875 reiste iallfall Mikjel og dottera Ingrid til Amerika.
7. Embrek f 1846, til Amerika 1875, d på Langøydgarde i 1905. Embrek kom attende frå Amerika kring hundreårsskiftet, og budde dei siste åra på Langøydgarde. Der gjekk han under namnet «Amerikanaren». I 1903 kjøpte han ei lita stugu av Anton Langødegård nedi Kvednahushallen.

I 1865 hadde Sjugurd og Ingrid 2 naut, 5 sauer, 1 gris, og sådde 1/2 tønne bygg og 1 tønne poteter.

Lønnum

I 1891 fekk *Anders Olson Langedragslien,* kjend som Anders Lønnum, og kona *Gunhild Olsdotter Haugsrudeige* husmannskontrakt på *Kvednahusmojordet.* Anders kalla staden Lønnum, som han også heiter i folketeljinga 1891. Anders var då oppført som husmann utan jord. Før 1900 flytta Anders og Gunhild frå Lønnum og bygde Aspelheim ved Sveitn. Sidan kom dei til Lønnum ved Milevatnet, sjå Lønnum 49/3.

Den vesle stugu vart sidan seld til Thorvald O. Lien på Skogheim. No er Lønnum attvaksen, men vart før brukt som innmark.

Nørdre Langøydgardseige

Arne Arneson Skarasetre f 1758 g m *Anne Larsdotter Langøydgarden,* Kolterud i Land, f ca. 1749 d 1821, var i 1801 husmannsfolk med jord under Langøydgarde. Anne hadde før vore gift på Langøydgarde, der ho hadde livaure, og døydde der som livaurskone. Arne var død i 1806, då det var skifte etter han. Bruttoeiga var 170 rd. og nettoeiga 150.

Embrek Larsson Storøydgardseige gm *Gro Sveinsdotter Tronhussetre* er nemnde på Langøydgardseige 1828—33, sjå Haftonseige.

Ola Olson Langøydgardseige f ca. 1803 g 1828 m *Beret Haraldsdotter Nørstebøenseige* f ca. 1802, fekk i 1829 sonen Ola på Langøydgardseige.

Søre Langøydgarden (Austre Bagn)

Gamalt matrikkelnummer 144, saman med øvre Bagn.
1838: **Nytt matrikkelnummer 39, ny skyld 4 dalar 3 ort 11 skilling.**
1888: **Gardsnr. 42, skyld 10 mark 67 øyre.**

Til gardsnummer 42 høyrer fleire eigedomar eller delar av eigedomar som gjennom øydetida i seinmellomalderen låg under Bagn: Søre Langøydgarden, Tømtitn og den nørdre delen av Stanfinnmarke. Frå 1838 har desse gardane i matrikkelen hatt fellesnamnet austre Bagn, som ikkje er i bruk som gardsnamn i daglegtale.

Alt i fyrste halvdel av 1600-talet, før det var kome ny busetnad, var Langøydgarden oppfatta som to særskilde, like store eigedomar, kvar med ei skyld av 3 skinn. På 1600-talet er Langøydgarden også kalla *Bergsøydgarden,* som helst må oppfattast slik at Langøydgarden nokon tid har lege under ein gard Berg.

Langøydgarden er fyrste gong nemnd i eit pantebrev tinglyst i 1640. Då vart «halvparten i en ødegård kalles Bergs ødegård, liggende på Lerskogen», sett i pant. Dette galdt søre Langøydgarden. Den andre halvdelen, nørdre Langøydgarden, er nemnd for seg i ei pantsetjing i 1650.

I 1667 låg heile Langøydgarden som underbruk under nedre Bagn. Nørdre Langøydgarden var også seinare rekna under nedre Bagn, men frå 1838 matrikulert saman med nedre og øvre Storøydgarden. Søre Langøydgarden var derimot frå slutten av 1600-talet rekna under øvre Bagn.

I 1667 høyrde engelandet «Rispeli», seinare kalla Espeli, inn under øvre Bagn. Det hadde ei skyld av 4 skinn og var bondegods. Då søre Langøydgarden vart teken opp til eigen gard, fylgde engelandet Espeli med som underbruk. I matrikkelen 1723 heiter det: Søre Langøydgarden med underliggjande Espeli engeland eller såkalla Sæbuøydgard. Namnet Sæbuøydgarden tyder på — tilsvarande tilhøvet mellom Berg og Bergsøydgarden — at Espeli engeland kan ha høyrt til garden Sæbu, rimelegvis før parten kom inn under Bagn. Om det har vore noko samband til Espelie i Etnedal, er ikkje kjent.

Då søre Langøydgarden med Espeli vart delt i 1775, fekk den eine halvparten namnet Tømtitn, som må vise til ein stad med gamle hustufter. Kva slags tufter dette i så fall var, må me berre gisse på. Kan det ha vore tufter på Espeli engeland etter ein nedlagd mellomaldergard? Eit anna alternativ er vel at tunet på søre Langøydgarde har vore flytta ein gong før delinga.

Matrikkelen *1723* fortel at søre Langøydgarden med Espeli har skog til husbruk, kan hogge 2—3 tylfter sagtømmer, og har seter i heimrasta der ein får eitt lass høy. Garden har flaumkvern og er frostlendt.

Søre Langøydgarden, eller austre Bagn, grensar i vest mot nørdre Langøydgarde under nedre Storøydgarde,

i sør, nede i lia, mot Steinsetren og Hafton, i aust mot Hafton og Braka, og går innover åsen i nord.

I 1725 inngjekk Tøren Andersdotter med sonen Anders Kristaferson for garden Leikebakke, Jens og Ivar Braka og Mikjel Olson og Per Knutson Langøydgarden på den eine og Gudbrand Olson Esbjuk i Land på den andre sida, forlik om delet mellom setra Markestad og plassen Haugrud, som Gudbrand åtte, og dei nemnde gardane på Leirskoge.

I 1731 innstemna Mikjel Olson søre Langøydgarden og Per Knutson nørdre Langøydgarden grannane Jens og Ivar Braka på den søre sida, samt Anders Leikebakke, for å få ei deleline fram til Markestad. Det vart vist til eit gjerde som var oppsett for nokre år sidan mellom Stanfinnmarke og Braka frå allfarvegen og opp til åsen. Delet vart trekt i framhald av gjerdet til Markestad, slik at Braka skulle eige på den søre sida og søre Langøydgarden på den nørdre.

Frå 1801 til 1804 var det sak om hamnestrekninga for søre og nørdre Langøydgarden, Stanfinnmarke og øvre Storøydgarden. Saka enda med forlik i 1804, sjå øvre Storøydgarden.

Søre Langøydgarden vart i 1775 delt i Mikjelsøydgarden og Tømtitn. Ved skylddeling i 1907 vart Tømtitn delt i øvre Tømtitn bnr. 2 og nedre Tømtitn bnr. 8. Den nørdre delen av *Stanfinnmarke* vart i 1875 delt i bnr. 3, 4 og 5. Frå bnr. 5 vart i 1881 utskilt ein skogteig, bnr. 6, og Hagin bnr. 7. Bnr. 3 og 5 vart slått samen til bruket nedre Setre, og bnr. 4 vart øvre Setre.

Setrar 1935, med avstand heimanfrå: Mikjelsøydgarden bnr. 1: Sletto, 1,5 km. Øvre Tømtitn bnr. 2: Sletto 1,5 km.

Under Mikjelsøydgarde låg plassen Heggerud, og under Tømto Rødningen og Tåmåsbrøtin.

I 1850 gjorde Ola Mikjelsøydgarden og Ola Tømtitn avtale om bruken av ei sag som dei hadde kosta på grunnen til Stanfinnmarke.

Folketal 1801—1900*

	Bonde-folk	Teneste-folk	Husmanns-folk	Handverks-folk	Arbeids-folk	Fattig-folk	Andre	Sum
1801	7	2						9
1865	16	10	7	1		1	3	38
1900	21	2					1	24

*Folketalet er i 1761 og -82 rekna under øvre Bagn.

Husdyrhald, utsæd og avling 1723 og 1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1723	1	8	10	1 3/4		
1866	2	23	65	9 3/4 korn	48	191 skpd.
				18 1/2 poteter	107	

Eigarar

Både søre Langøydgarden og Espeliøydgarden var bondegods frå 1600-talet. Stanfinnmarke var krongods.

Bruk, husmannsplassar og bustadhus

Søre Langøydgarden

Ved pantebrev tinglyst i 1640 overdrog Torkjell Asleson halve Bergsøydgarden — søre Langøydgarden — som brukeleg pant til Hallvor Ivarson nedre Bagn for eit lån på 10 1/2 rd.

I 1667 er heile Langøydgarden ført under nedre Bagn. Men før 1685 overtok Mikjel Olson på øvre Bagn søre Langøydgarden. Då son til Mikjel, Ola Mikjelson, i 1685 selde 6 skinn i øvre Bagn til verbrørne sine, skulle Ola sjølv ha Espeli øydegard av skyld 4 skinn og Berg øydegard av skyld 3 skinn. Desse plassane hadde før vore brukt under øvre Bagn, heiter det.

Til tinget i september 1693 stemna Ola Mikjelson Hafton Ola Ivarson Ølmhus for ulovleg å ha bygsla søre Langøydgarden. Under saka vart opplyst at far til Ola, Mikjel Olson på øvre Bagn, hadde kjøpt denne parten av Embrek Sjugurdson Ulnes, som hadde arva han ved kona si, Marit Amundsdotter. Ola Bjørnson Storøydgarden fortalde at Hallvor Ivarson Bagn hadde brukt engelandet i 20 år, og deretter Mikjel Bagn, som overdrog til sonen. Ola Ivarson Ølmhus viste til godkjenning frå den førre futen, men dette vart ikkje godteke. Ola Ølmhus vart frådømd bygselretten og skulle betala sakskostnaden på 10 rd. Til faredagen måtte han flytja huset han hadde bygt, og ikkje tilta seg nokon bruk utan samtykke frå Ola Hafton eller arvingane hans.

Mikjel Olson Hafton f ca. 1683 d 1751 g 1704 m *Ingebjørg Arnesdotter,* mogleg frå søre Fønnhus og f ca. 1681, d 1759, døydde båe på Langøydgarde. Mikjel fekk i 1733 skøyte frå dei andre arvingane for 30 rd. på arv i søre Langøydgarde. Ved skiftet etter Mikjel i 1751 var bruttogeiga 300 rd. og nettoeiga 247 rd. Barn:

1. Ola f 1705.
2. *Ola* f 1707, neste brukar.
3. Guri f 1710 d 1712.
4. Guri f 1712 gm Per Erikson Berg.
5. Arne f 1714 gm Siri Amundsdotter Rustebakke, sjå Eid.
6. Mikjel f 1716 gm Marit Sjugurdsdotter Bagn, sjå nedre Bagn bruk IV.
7. Gunhild f 1719 gm Kristafer Olson Bagn, sjå nedre Bagn bruk IV.
8. Gjartrud f 1721 gm Arne Olson søre Fønnhus.

I 1749 selde Mikjel Olson garden for 299 rd. til sonen *Ola Mikjelson Langøydgarden* f 1707 d 1783 g 1739 m *Anne Olsdotter nedre Storøydgarden* f 1707 d 1808. Barn:

1. Gjartrud f 1740 d 1752.
2. *Mikjel* f 1744, brukar på halve garden.
3. *Ingebjørg* f 1748 gm Ola Mikjelson Bagnsøydgarden, sjå Tømtitn.
4. *Guri* f 1751 gm Sjugurd Mikjelson Bagn, sjå Mikjelsøydgarden 42/1.

I 1762 selde Ola Mikjelson halve garden for 200 rd. til sonen *Mikjel Olson* f 1744 d 1773.

Etter at Mikjel døydde, vart faren Ola Mikjelson eigar på nytt. I 1775 delte han garden mellom døtrene Ingebjørg og Guri, slik at Guri fekk Mikjelsøydgarden og Ingebjørg Tømtitn.

Mikjelsøydgarden bnr. 1

I daglegtale er Mikjelsøydgarden kallla «Messgard'n». Fyrstelekken viser venteleg til den fyrste brukaren, Mikjel Olson, eller til at namnet Mikjel har gått att i slekta.

Sjugurd Mikjelson Bagn, nedre Bagn bruk IV, f 1755 d 1835 g 1775 m *Guri Olsdotter søre Langøydgarden* f 1751 d 1823. Ved buoppgjer 1810—12 vart buet sett under tilsyn av verje av di Sjugurd var gjort umyndig. Ved skiftet etter Sjugurd i 1835 var bruttoeiga 2009 spd. og nettoeiga 1868 spd. Guri og Sjugurd fekk seks barn, som anten var dødfødde eller døydde tidleg. Dei som levde ei tid var:

1. Mikjel f 1775 d 1792.
2. Ola f 1787 d 1792.
3. Anne f 1797 d 1797.

I 1821 fekk *Ola Mikjelson Bagnsøydgarden,* nedre Bagn bruk IV, f 1796 d 1862, skøyte for 200 spd. Ola var brorson til Sjugurd Mikjelson, og g 1820 m *Anne Olsdotter Tømtitn* f 1798 d 1852. Ved skiftet etter Ola i 1862 var bruttoeiga 914 spd. og nettoeiga 839 spd. Barn:

1. *Sjugurd* f 1821, neste brukar.
2. Guri f 1824 d 1844.
3. *Mikjel* f 1826, brukar etter broren Sjugurd, gm Kari Olsdotter Storøydgarden, sjå Sørbøen 39/1.
4. Ingebjørg f 1829 gm Ola Haraldson Velingsrud.
5. *Ola* f 1832, brukar etter Mikjel.
6. Siri f 1834 g 1. m Ola Olson Midtbøen, Land, budde der, g 2. m Arne Olson Bagnsjordet.
7. Ola f 1837 d 1898.
8. Marit f 1840 gm Ola Olson øvre Sørflate.

I 1848 selde Ola Mikjelson for 200 spd. til sonen *Sjugurd Olson* f 1821 d 1850.

Av di Sjugurd døydde, selde Ola Mikjelson i 1850 for 200 spd. til nesteldste sonen *Mikjel Olson* gm *Kari Olsdotter Storøydgarden.* Mikjel og Kari budde nokre år på øvre Storøydgarde, som Kari hadde arva, og i 1863 kjøpte Mikjel Sørbøen 39/1, sjå der.

I 1864 selde Mikjel Olson for 1000 spd. til broren *Ola Olson* f 1832 d 1909 g 1857 m *Siri Embreksdotter nørdre Langøydgarden* f 1837 d 1906. Ola hadde kjøpt Haugen 40/2 i 1857. Barn:

1. Anne Sofie f 1858 gm Johan Erikson Brunbakke. Dei fekk i 1887 dottera Sigrid og i 1888 sonen Erik på Mikjelsøydgarde.
2. *Ole* f 1859, neste brukar.
3. Inger f 1861.
4. Engebret f 1862 gm Inger Olsdotter Hafton, sjå Haugen 40/2.
5. Guri f 1865 gm Gabriel Arneson Leikebakke.
6. Syver f 1868.
7. Marit f 1870 gm Martin Olson Vilhelmsbrøtin, sjå øvre Tømtitn 42/8.

Ola Olson Mikjelsøydgarden f 1832 og kona Siri Embreksdotter f nørdre Langøydgarden 1837.

8. Gunhild f 1872 d 1873.
9. Gunhild Maria f 1874 gm Ole Olson Thorsrud, sjå midtre Torsrud 30/9.
10. *Mikkel* f 1876, brukar etter broren Ole.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 25 mål åker og dyrka eng, 59 mål vanleg slåtteland, frå utmark og setrar kom 31 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, 3 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast, dei lauva 1400 kjerv, garden var nokolunde lettbrukt og godt dyrka. I 1865 hadde dei 1 hest, 12 naut, 21 sauer, 7 geiter, 2 grisar, og sådde 1/8 tønne rug, 4 tønner bygg og 6 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med bordtak. 2. Ei stugu med bordtak. 3. Eit stabbur med spontak. 4. Ein låve med bordtak. 5. Eit fjøs med bordtak.

I 1894 selde Ole Olson til sonen *Ole Olson* f 1859 d 1920.

Ole O. Mikkelsgård selde i 1915 til broren *Mikkel Olson Mikkelsgård* f 1876 d 1967 g 1907 m *Marit Arnesdotter Brager,* Braka 44/1, f 1885 d 1958. Barn:

1. Sigrid f 1908 gm Ole Sørbøen, sjå Sveitn 43/2.
2. Tordis f 1909 gm Ole Munkelien, Nordsinni.
3. Ole f 1911 gm Ragna Bjørneskaret, sjå Haugen 40/2.
4. Arne f 1913 gm Margit Brend, Nord-Aurdal, sjå Braka 44/1.
5. Aslaug f 1915 gm Oskar Dølven, Bagn.
6. *Oddmund* f 1917, neste brukar.
7. Olav Mikael f 1919.
8. Martha f 1922 gm Håkon Rørholt, Telemark, busette på Lunner.
9. Ingrid f 1924 gm Halvard Håkenstad, Lunner, busette der.

Oddmund Mikkelsgård f 1917, eigar frå 1944, selde i 1975 til systersonen

Magnar O. Sørbøen f 1948 gm *Svanhild Nerødegård* f 1951. Barn:

1. Oddvin f 1974.
2. Bjørnar f 1977.
3. Solveig f 1983.

Mikjelsøydgarden ligg 670 m .o.h., og har 70 da. dyrka jord og 1300 da. skog og utmark. Noko av jorda er brattlendt. Namn i innmarka er *Dekkatn, Bjødnaroe, Åsen, Kvee* og *Midtjordet.*

Gamlebygningen i to høgder frå 1733, den eldste bygningen på Leirskoge, vart riven i 1977 då nytt våningshus vart bygt på same tomt. I den eldste delen var kjøken, kammers og gang i fyrste høgda, medan ei stugu vart tilbygt i 1860—70-åra. I andre høgda var fire rom og gang. Over den eldste delen var opphavleg ein sal. Den gamle låven, mogleg også frå 1730-åra, vart påbygd av Ola Mikjelson f 1796. Låven er riven for å gje plass til ny låve, bygd i 1980. Ola Mikjelson bygde også det tømra fjøset, rive i byrjinga av 1970-åra. Nytt fjøs vart bygt i 1979. Ola Mikjelson bygde «Nistugu», som framleis står, som livaurshus. Nistugu var opptømra på søre Setren. Ei stugu frå 1806 har vore drengestugu. Eit gamalt stabbur frå 1732 er flytta til Haugen 40/2. Det har òg vore eldhus, smiu og badstugu. I Heggerudbekke, på grunn som tilhøyrde øvre Tømtitn, stod eit kvernhus. Åsbekken vart leidd ut i Heggerudbekken for å skaffe vatn til kverna. Frå kvernhuset var eit fall ned i *Helvete,* der det stod ei sirkelsag som Tømtitn og Mikjelsøydgarden hadde saman.

Mikjelsøydgarden har seter på Sletto.

Heggerud

Oppe i skogen, vest for Brattebakke, låg husmannsplassen Heggerud. Kring 1880 vart plassen lagd ut til slåtteland og kring 1940 til utmark.

Ettersom det ikkje er kjent andre plassar under Mikjelsøydgarde, heldt venteleg dei husmannsfolka me kjenner, til i Heggerud.

Arne Embrekson Leikebakke, søre Øyhus 50/15, f 1799 d 1826 g 1824 m *Ingrid Arnesdotter Braka,* Skjerstein bruk I og II, f 1793, er nemnde på Braka i 1825, men Arne døydde året etter som husmann under søre Langøydgarde. Barn:

Embrek f 1825.

Ingrid Arnesdotter g 2. 1845 m *Knut Tølleivson Lundeeige.* Då oppheldt Ingrid seg på Haftonseige.

Ola Trondson Bagnseige gm *Tøren Hallvorsdotter Tollevsrud* er nemnde på søre Langøydgardseige 1828—33, sjå Bagnslie.

I 1858 inngjekk Mikjel Mikjelsøydgarden avtale med *Sjugurd Olson Ruse* om plassen Heggerud og halvdelen i Vangsgjeldsetren.

I dei fyrste fem åra av brukstida skulle Sjugurd svara 1 spd. mindre i arbeid enn fastsett i ein tidlegare kontrakt. Av slåtten skulle gå 4 dagar, av skuren 1 mål, av vårarbeidet 3 og av haustarbeidet også 3 dagar.

Husmannsfolk i 1865 var *Ola Olson Brue,* Brue under Ellendshauge, f 1831 d 1868 i Heggerud g 1862 m *Ingebjørg Larsdotter Klauvstad,* Klauvstad og

Tordebrøtin, f 1832. Desse er dei sist nemnde husmannsfolka. Barn:

1. Ole f 1864 d 1883.
2. Ingrid f 1866 d 1873.
3. Olea f 1869, til Amerika.

Ingebjørg Larsdotter g 2. 1875 m *Bjørn Bjørnson Storsveeige,* sjå Sveinsbrøtin under Åse.

I 1865 hadde Ola og Ingebjørg 3 naut, 4 sauer, og sådde 1/2 tønne bygg og 1 tønne poteter.

Det gamle skulehuset bnr. 9

Den gamle skulen, bygd på tomt utskild frå Mikjelsøygarde i 1952, var i bruk til 1975. Då vart bygt nytt skulehus noko lengre sør.

I 1977 tok *Ola* og *Magnhild Skjærstein*, øvre Skjerstein 46/1, til med å drive daglegvareforretning i huset.

Granbu bnr. 10

Bustadhus 1954 på tomt frådelt Mikjelsøydgarde i 1953, bygt av *Nils Kolsrud,* Milevatnet 38/4, f 1888 d 1968 g 2. m *Ellen Pauline Berg,* Børsa i Sør-Trøndelag, f 1903. Nils Kolsrud var skogstyrar.

Tømtitn

Etter delinga av søre Langøydgarden i 1775 var fyrste brukarar på Tømto *Ola Mikjelson Bagnsøydgarden,* nedre Bagn bruk IV, f 1760 d 1817 g 1. m *Ingebjørg Olsdotter søre Langøydgarden* f 1748. Barn:

Marit f 1783 d 1792.

Ola Mikjelson g 2. 1787 m *Siri Embreksdotter Maslangrud* f ca. 1765 d 1830. Det var fleire jenter i Maslangrud, og då Ola kom på friarferd dit, vart han spurd kven han ville ha. Jo, han ville ha den som «kjeiva» — vel å gå skeiv — skorne sine. Ved skiftet etter Ola i 1817 var bruttoeiga 357 spd. og nettoeiga 289 spd. Barn:

1. Mikjel f 1788 d 1788.
2. Mikjel f 1789 d 1791.
3. Siri f 1791 d 1796.
4. *Ola* f 1795, neste brukar.
5. Anne f 1798 gm Ola Mikjelson Bagnsøydgarden, sjå Mikjelsøydgarden 42/1.
6. Ingebjørg f 1801 gm Sjugurd Olson Sparkevik.
7. Mikjel f 1809, lærar i Nes i Hallingdal, gm Ingebjørg Mikjelsdotter Bagnsøydgarden.

Ola Olson Tømtitn f 1795 d 1868 fekk skifteskøyte i 1821 for 180 spd., g 1820 m *Ingebjørg Mikjelsdotter søre Fønnhus* f 1800 d 1888. Barn:

1. Ola f 1821 d 1821.
2. Ola f 1822 d 1841.
3. Siri f 1825 gm Kristafer Kristaferson Eid.
4. Mikjel f 1827 d 1832.
5. Kjersti f 1829 d 1830.
6. *Mikjel* f 1831, neste brukar.
7. Kjersti f 1834.
8. Mikjel f 1836 d 1860, skulehaldar.
9. Marit f 1839 d 1841.
10. Marit f 1842 gm Anton Embrekson Steinsrud, sjå nørdre Langøydgarden 41/3.

I 1852 selde Ola Olson for 400 spd. til sonen *Mikjel Olson Tømtitn d.e.* f

1831 d 1870 g 1855 m *Siri Olsdotter Hafton* f 1830 d 1918. Siri Tomtene var ein dyktig korgflettar, og leverte stadig til Norsk Husflidsforening. Siri var den siste brura i Sør-Aurdal som bar krone då ho gifta seg. Krona, som før hadde vore mykje brukt til å pynte brurene i heimbygda, hadde ho fått av mora. (Valdres 3.8.1918.) Barn:

1. Ingeborg f 1856 gm Erland Olson Stanfinnmarke eller Sveitn.
2. Anne f 1858 gm Håvel Larsson Sæteren, Nordre Land, budde der.
3. Marit f 1860.
4. Olea f 1862.
5. *Ole* f 1865, neste eigar.
6. Sigrid f 1867.
7. Maria f 1870.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 20 mål høglendt åker og dyrka eng, 87 mål temmeleg magert slåtteland, frå setrar og utmark kom 32 skippund høy, 3 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast, og dei lauva 1500 kjerv. I 1865 hadde dei 2 hestar, 11 naut, 13 sauer, 2 grisar, og sådde 2 tønner bygg, 1 tønne havre og 6 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med bordtak. 2. Ein låve og stall med bordtak. 3. Eit fjøs med bordtak. 4. Eit stabbur med bordtak.

I 1886 selde Siri Olsdotter til sonen *Ole Mikkelson* f 1865. Ole budde aldri på Tømto. Han reiste til Kristiania i 1882 og var i Amerika. Derifrå kom han attende, men flytta til Flikshaug. Ole Tomtene var smed, og særleg kjend som ein dyktig bjellesmed.

I 1889 selde Anton E. Langøydgarden etter fullmakt frå Ole til *Arne Knutson Tronhus* f 1861 d 1894.

Knut Olson Tronhus, far til og einaste arving etter Arne, selde i 1894 til *Engebret Olson Hafton* eller Mikjelsøydgarden, som budde på nørdre Setren eller Stanfinnmarke før han kjøpte Haugen 40/2 i 1908.

Ved skylddeling i 1907 vart Tømtitn delt i øvre og nedre Tømtitn mellom brørne Martin og Kristoffer Vilhelmsbråten. Dei hadde kome hit og kjøpt garden av Engebret Olson før 1900, men fekk skøyte seinare. Det gamle tunet kom til å liggje på øvre Tømto.

Øvre Tømtitn bnr. 2

Engebret Olson Hafton selde ved skøyte i 1911 til *Martin Olson Vilhelmsbråten* f 1861 d 1945 gm *Marit Olsdotter Mikkelsgård* f 1870 d 1950. Barn:

1. *Ingrid* f 1892, neste brukar.
2. Sigrid f 1896 gm Ivar Syverson Øvergård.

I 1941 selde Martin Tomtene til versonen *Harald Andersson Hovdet,* Høvda 30/5, f 1904 g 1935 m *Ingrid Martinsdotter Tomtene* f 1892.

Eigarar no er adoptivsonen *Gunnar M. Hovdet* f 1942, son til bror til Harald, gm *Kirsti Berge,* Vang, f 1943. Barn:

1. Hallgeir f 1971.
2. Vidar f 1972.
3. Asle f 1975.
4. Runar f 1980.

Hovudbygningen på øvre Tømto ca. 1920. Jentene lengst til venstre er Ingrid og Sigrid Tomtene, og til høgre mor deira, Marit Olsdotter f Mikkelsgård 1870. I døra står nok brukaren Martin f 1861.

Marit Olsdotter f 1870 på øvre Tømto på sine eldre dagar, i kvardagsklede foran det gamle stabburet som har kome frå Hafton.

Øvre Tømtitn ligg 693 m o.h. og har ca. 90 da. innmark. Ovafor bygdevegen er jorda noko bratt, i hellinga nedafor vegen er mest myr. I innmarka er m.a. namna *Kreklingen, Stugujordet, Gråbeinbakkin, Rødningshalle* og *Glenna.*

På tunet er nytt våningshus frå 1970, eit eldre våningshus, uthus, ei stugu og eit gamalt stabbur frå Hafton.

I Tømtebekke var kvern og ei gardssag frå kring 1900. Øvre Tømtitn har seter på Sletto.

Familie på trammen på øvre Tømto ca. 1920. Foran Martin Olson Tomtene f 1861 og kona Marit Olsdotter f 1870, og bak døtrene Ingrid, til høgre, og Sigrid.

Nedre Tømtitn bnr. 8

Kristoffer Olson Vilhelmsbråten f 1863 d 1912 fekk skøyte av Engebret Olson Hafton i 1911, gm *Anne Karine Trondsdotter Fjeld,* Etnedal, f 1875 d 1937. Kristoffer var snikkar. Barn:

1. Tora f 1900 d 1925 gm Sven Berg, Hønefoss.
2. Ingrid f 1902 d 1927.
3. *Ole* f 1904, neste brukar.
4. Trond f 1906 gm Margaret Gjesdal, til Canada 1929.
5. Kristiane f 1909 gm Ragnvald Sæbuødegården, Skrautvål, til Canada 1930.

I 1930 fekk *Ole A. Leithe* auksjonsskøyte, og *Ole K. Tomtene* f 1904 d 1986 fekk auksjonsskøyte i 1933, g 1937 m *Sigrid Leikebakke* f 1909. Ole K. Tomtene dyrka 35 da. Barn:

1. *Gudny* f 1939, neste brukar.
2. Annlaug Ingrid f 1943 gm Svein Haldor Tonheim, busette i Ålesund.
3. Gerd Kjellaug f 1946 gm Tom Wilhelm Paulson, busette på Fagernes.

Frå nedre Tømtitn: Anne Karine Tomtene f Fjeld, Etnedal, 1875, med barna: Kristiane, Trond, Ole, Ingrid og Tora.

Ole K. Tomtene på den fyrste traktoren sin, modell Ferguson, i 1953. Traktoren er påmontert ski og halvbelte for køyring i skogen om vinteren. Ole K. Tomtene dreiv maskinstasjon, og køyrde for folk i bygda til 1973.

Gudny Tomtene f 1939 gm *Torbjørn Kristian Stensæter* f 1935. Barn:

1. Kjell Oddbjørn f 1968.
2. Svein Torgeir f 1969.
3. Arnt Magne f 1974.

Nedre Tømtitn ligg ca. 670 m o.h., og har 70 da. dyrka jord og 580 da. skog. Namn i innmarka er *Storåker'n,* nedafor bygdevegen, *Jarpestykket,* aust og nedafor Storåkere, *Dælebrøtåker'n,* rett ned for våningshuset, og *Messeikra* mot grensa mot Mikjelsøydgarde, nedst i jordet.

Det fyrste tunet vart oppbygt av Kristoffer Olson. Før stod ei gamal lyu her. Husa er kårhus, før våningshus, bygt 1900, uthus frå ca. 1903, fjøs frå 1923, smiu 1913, stabbur ca. 1920, nytt fjøs 1963 og nytt våningshus 1976.

Frå ca. 1903 til 1929 hadde nedre Tømtitn setra Lier, dit vegen gjekk om Leikebakke og Haugrud. Frå 1950 fekk garden Gravsetre, som berre var i bruk kort tid.

I 1940-åra hadde Ole K. Tomtene ein liten revegard. I 1953 kjøpte han traktor, og køyrde for folk i bygda.

På grensa mellom skogane til Mikjelsøydgarden og Tømtitn ligg ein stor stein kalla *Bjødnahisteinen.* Ovafor går grensa over ein haug, *Neshaugen.* Mellom og litt aust for desse stadene er ein stad kalla *Bjødnaklypa.* Der tok dei bjørn i saks. Til *Marabeinhøgde* leigde dei hestane, slo dei i hel og grov dei ned. *Sigridmyrene* aust for *Lavrud* var ein ljåslått i gamal tid.

Under krigen i 1940 rømde folka på garden til setra Sletto, og var der ei natt. På garden hadde tyskarane herja og øydelagt

Telemarkskua «Gulsi» på nedre Tømto ca. 1917—20.

ein del. Klede, innbu og mat var spreidd omkring i huset, og det var grisa til. To hestar ville tyskarane ta med seg. Men hestane slo seg galne og rømde frå dei.

Rødningen

Oppe i skogen ovafor tunet på Tømto låg plassen Rødningen, no under øvre Tømto. I dag er det innmark her, men stugutomta syner framleis.

Dei som budde i Rødninge, var *Ola Olson Steinsetereige,* Liabekklie 52/4, f 1793 d 1879 g 1817 m *Jøren Andersdotter Ølmhuseige,* Eivindsplassen under Ølmhus, f 1782 d 1873. Dei er nemnde på Stanfinnmarkseige i 1821 og -24, og må ha kome til Rødningen seinare. Ola og Jøren vart utsagde, og flytta til versonen i Brakajorde. Stugu i Rødninge vart flytta ned til Tømtitn. Barn:

1. Marit f 1821 gm Arne Arneson Braka, sjå Brakajordet 44/8.
2. Ola f 1824 d 1850 i Rødninge g 1848 m Kari Embreksdotter Tronhussetre, Haftonsbrøtin, f 1822. Dei fekk i 1848 dottera Inge Mathea. Kari Embreksdotter g 2. 1854 m Mikjel Arneson Leikebakke, sjå Leikebakkebøle 45/3.

I 1865 hadde Ola og Jøren 2 naut, 3 sauer, og sådde 1 tønne bygg og 2 tønner poteter.

Tåmåsbrøtin

Søraust for Tømto, oppe i skogkanten mot jordet, låg plassen Tåmåsbrøtin, der tuftene framleis er synlege. Tåmåsbrøtin høyrer no under øvre Tømto.

Kva for ein Tåmås plassen har fått namn etter, er usikkert. Kan hende er det *Tåmås Gudbrandson Landmark* som ca. 1820 fekk dottera Gunhild med Tøren (Taran) Johannesdotter frå Trappopp under austre Piltingsrud. Gunhild gifta seg i 1843 med Ola Sjugurdson, sjå Sveinedokke under Langedrag. Tøren Johannesdotter budde nemleg i Tåmåsbrøta, sjå nedafor. Utanom ekteskapet med Kristafer Sjugurdson hadde Tøren også dottera Johanne f ca. 1823, som gifta seg med Håvård Olson, eller «Håvårdsonguten», sjå Smedmoen 50/23. Far til Johanne er oppgjeven å vera ein Ola Kristaferson.

Kristafer Sjugurdson nørdre Langøydgarden f 1781 d 1872 i Tåmåsbrøta g 1. 1802 m *Anne Mikjelsdotter Tronhuseige,* Storsvee, f 1778 d 1835. Dei er nemnde på Skarasetereige i 1804 og seinare på Storøydgarde og Stanfinnmarken. Barn som me kjenner:

1. Anne f 1804 gm Anders Andersson Lundatn, sjå Smedmoen 50/23.
2. Sjugurd f 1806, til Land 1842.
3. Ingrid f 1821 gm Ola Monsson Vilhelmsbrøtin.

Kristafer Sjugurdson g 2. 1837 m *Tøren Johannesdotter Storøydgarden,* sjå ovafor, f 1798 d 1883.

I 1865 hadde Kristafer og Tøren 1 ku, 3 sauer, og sådde 1/2 tønne bygg og 1 tønne poteter.

Lavrud

På Lavrud, nå i skogen til nedre Tømtitn, skal det etter segna ha budd ein mann for seg sjølv. Mannen var sjuk, hadde store plager, og ein kunne høyre han skrike lange vegar.

Stanfinnmarke

I eldre tid var Stanfinnmarke rekna saman med Hafton. Seinare har den nørdre halvdelen vore matrikulert under austre Bagn, eller gnr. 42., og den søre under Hafton. I matrikkelen 1838 er rett nok heile Stanfinnmarke ført under austre Bagn. Den nørdre delen av Stanfinnmarke vart fråseld i 1804, slik at det vil vera naturleg å fylgje denne parten vidare under gnr. 42. Sjå elles under Hafton om namnet og Stanfinnmarke før 1804.

I 1801 kjøpte Arne Knutson, venteleg *Arne Knutson Lundatn,* sjå Sveitn 43/2, Stanfinnmarke av skyld 3 skinn. I 1804 selde han halvparten eller 1 1/2 skinn for 720 rd. til *Sjugurd Ellendson Skaratn.* Kjøparen fekk halvdelen i desse husa: Ei gamal stugu, ei bu med loft, og to låvar, den eine var mindre enn den andre.

Sjugurd Ellendson Skaratn selde i 1810 for same sum til *Hallstein Embrekson Skarasetre.* I 1818 makeskifta Hallstein Stanfinnmarke mot Leikebakke med *Tord Arneson Leikebakke* gm *Taran Gudbrandsdotter,* sjå Langbråtån under Sørum. Båe eigedomane var verdsette til 200 spd.

Tord Arneson selde i 1821 for 300 spd. til *Kristafer Sjugurdson Stanfinnmarke* gm *Anne Mikjelsdotter Tronhuseige,* som seinare budde i Tåmåsbrøta under Tømto, sjå der.

I 1830 selde Kristafer Sjugurdson for 300 spd. til *Ola Mikjelson* på Mikjelsøydgarde.

I 1846 inngjekk Ola Mikjelsøydgarden, som eigar av nørdre Stanfinnmarke, og Ola søre Stanfinnmarke kontrakt om deling av noko jord mellom dei to gardane.

Ola Mikjelson selde i 1860 for 200 spd. til sonen *Ola Olson*. I 1861 selde Ola Olson ein part av skyld 23 skilling til faren for 200 spd., og samstundes resten for 300 spd. til Arne Gudbrandson. Ola Mikjelson selde det han hadde kjøpt i 1861 i 1863 til Arne Gudbrandson for 300 spd.

Arne Gudbrandson Åseneige gm *Inger Embreksdotter Haftonseige* kjøpte Leikebakke 45/2 i 1876, sjå der.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 8 mål høglendt og dårleg åker og dyrka eng, 40 mål ganske magert slåtteland, frå setrar og utmark kom 14 skippund høy, hamninga var god, 3 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast, dei lauva 1400 kjerv, og garden var godt dyrka. I 1865 hadde dei 6 naut, 7 sauer, 7 geiter, og sådde 1 tønne bygg og 2 tønner poteter.

Arne Gudbrandson delte opp garden. I 1875 vart bnr. 3 og 4 utskilde. Hovudbruket vart bnr. 5. I 1881 vart bnr. 6 og 7 utskilde frå bnr. 5. Bnr. 3 og 5 vart slått saman til nedre Setre, bnr. 4 vart øvre Setre og bnr. 7 Hagin. Bnr. 6, som er utmark, var saman med øvre Setre til 1935.

Nedre Setre (Stanfinnmarke) bnr. 3 og 5

I 1875 selde Arne Gudbrandson bnr. 3 og i 1881 bnr. 5 til brørne *Arne* og *Sjugurd Sjugurdsøner* på nedre Storøydgarde. Arne Sjugurdson, som budde på søre Nerøydgarde 40/4, brukte søre Setre som haustseter etter å ha slått her om sumaren. Brørne hadde sumarsetra Knaldre i lag.

Kring 1910 tok son til Arne, *Ole Arneson Nerødegård*, søre Nerøydgarden 40/4, f 1870 d 1958, til å byggje opp garden. I 1914 kjøpte han eigedomen av faren og farbroren.

I 1948 selde Ole Arneson garden med halve setra Knaldre til brorsonen *Olav S. Nerødegård,* søre Nerøydgarden 40/4, f 1917.

Olav S. Nerødegård makeskifta i 1962 søre Setre mot bustadhuset Solberg 40/10 med broren *Sigurd S. Nerødegård* f 1914 gm *Sara Søberg,* Vardal, f 1919. Barn:

1. Marit f 1949 gm Henrik Brenna, bur i Hov i Land.
2. Svanhild f 1951 gm Magnar Sørbøen, sjå Mikjelsøydgarden 42/1.
3. *Syver* f 1952, neste brukar.
4. Liv Dorthea f 1954 gm Jon Reidar Skåren Fyrstro, Vardal, busette i Gjøvik.
5. Jon f 1956 gm Laila Tøndrum.
6. Ola f 1956, tvilling med Jon, gm Mari Lovise Kjeldsrud, Dokka.

Syver Nerødegård f 1952, eigar frå 1978, gm *Mari Harlaug,* Heidal, f 1952. Barn:

1. Espen f 1977.
2. Unni f 1979.

Søre Setre har 50 da. innmark, av det ca. 30 da. dyrka jord på moldjord og noko myr, og 120 da. produktiv skog. Drifta frå 1980 har vore sauehald og produksjon av grisar.

Det gamle våningshuset vart påbygt i mellomkrigstida. Nytt våningshus

1977. Den førre driftsbygningen, som brann i 1983, hadde låve frå 1958 og fjøs frå 1973, påbygt i 1979. Ny driftsbygning vart oppsett 1983—84. Setra Knaldre var siste gong i bruk i 1927.

Oppe på bakken, opp for garden, ligg tomta etter eit hus.

Øvre Setre (Stanfinnmarke) bnr. 4

Etter frådelinga i 1875 frå bnr. 5, selde Arne Gudbrandson bnr. 4 i 1875 for 200 spd. til *Ola Monsson Vilhelmsbrøtin.* I 1881 kjøpte Ola også bnr. 6 av Arne Gudbrandson.

I 1887 selde Ola Monsson Vilhelmsbrøtin saman med bnr. 4 og 6 av Stanfinnmarke til sønene *Martin* og *Kristoffer.* Martin og Kristoffer budde i ei stugu på plassen Brenninge på grunnen til øvre Setre før dei gifta seg. I 1890-åra kjøpte dei Tømtitn, som dei delte.

Martin og Kristoffer selde øvre Setre til *Engebret Olson Mikjelsøydgarden.* Engebret hadde ikkje tinglyst skøyte, men er oppført som gardbrukar og sjølveigar på øvre Setren i 1900. I 1908 kjøpte han Haugen 40/2, sjå der. Deretter nytta Engebret øvre Setre saman med Haugen, og hadde sumarfjøs her. Ein gamal stall vart brukt som fjøs. Fjøset er no ein del av våningshuset. Då kommunen seinare var eigar, leigde Engebret bruket på nytt nokre år.

I 1917 skøytte Martin Tomtene og Anne Karine Tomtene, enkje etter Kristoffer, bnr. 4 til *Anton Helgeson Fjelleng* gm *Karen Mathea Antonsdotter Gottenborg,* og i 1918 fekk Anton skøyte på bnr. 6. Anton og Karen Mathea budde i Haga 42/7, sjå der. Anton arbeidde opp nesten all jorda på øvre Setren og selde størsteparten av høyet. Anton Helgeson gjekk konkurs, og kommunen overtok. I 1935 selde Anton skogteigen som hadde bnr. 6, til Per S. Sørbøen for gjeld.

I 1936 fekk *Kristoffer Nilsson Komperud* f 1896 d 1955 auksjonsskøyte, g 1921 m *Gudrun Antonsdotter Fjelleng,* Hagin 42/7, f 1900, dotter til Anton Helgeson. Dei budde fyrst i Midtlien, husmannsbruk under Langedrag. Barn:

1. Tordis f 1921 gm Martin Holt, busette på Jevnaker.
2. Anton f 1923 gm Margit Hansen, Hedalen, bur i Hedalen.
3. Nelly f 1926 gm Anton Johansen, Etnedal, bur der.
4. *Nils* f 1932 gm *Jorunn Haugom,* Nordre Land, f 1952 har sonen Geir Kristian f 1975. Nils Komperud har forpakta garden av mora.
5. Kåre f 1937.
6. Gerd f 1942 gm Birger Bratteng, Etnedal, bur der.

Øvre Setre har ca. 30 da. dyrka og nokså flat jord, av det er halvparten myrjord, og 100 da. skog. Før skogsalet i 1935 var skogen på ca. 400 da.

Våningshuset er eit ombygt uthus, flytta frå nedre Setren før hundreårsskiftet. Fjøset frå 1944 vart bygt av Kristoffer Komperud og låven bygde Engebret Mikkelsgård.

Nord i skogen, inntil ein bekk, ligg tomta etter ei sag.

Brenninge

I skogen 3-400 m sørvest for garden er det grunnmur for stugu og hjørnesteinar for uthus etter det nedlagde bruket

Brenninge. *Martin* og *Kristoffer Tomtene* budde her eit tid før hundreårsskiftet. Ved skogsalet i 1930-åra vart jordvegen til bruket delt i to.

Hagin bnr. 7

Hagin vart utskild frå Stanfinnmarken bnr. 5 i 1881, og seld same år av Arne Gudbrandson til *Nils Olson*.

I 1886 fekk *Olea Olsdotter Mikjelsøydgarden* auksjonsskøyte. Olea er kan hende den Olea Olsdotter som var tenestejente i Haga i 1891 for Ola Olson.

I 1899 selde Olea og mannen *Ole Evenson Hagin,* sjå Brattebakke 44/17, bruket til Sør-Aurdal kommune, som skulle ha det til skulejord.

I 1900 var *Ole Olson Joplassen,* øvre Dokkebakkatn 48/18, f 1864 gm *Olea Helgesdotter Joplassen* f 1869, forpaktarar. Dei hadde til då barna:

1. Ole f 1891 d 1891.
2. Ole f 1892.

Anton Helgeson Fjelleng, Joplassen 47/3, f 1874 og kona *Karen Mathea Antonsdotter Gottenborg* leigde Hagin ei tid etter at det brann på Fjelleng, som Anton hadde bygt opp. For ryddingsarbeidet der fekk han diplom frå Norsk Landbruksselskap i 1904. I 1917 og -18 kjøpte dei øvre Setre, men budde framleis i Haga. Barn:

1. Gudrun f 1900 gm Kristoffer Nilsson Komperud, sjå øvre Setre 42/4.
2. Helge f 1906.
3. Asbjørn f 1910.
4. Kristian f 1914.
5. Alfhild f 1917 gm Iver Gullikstad, Røros, busette i Oslo.
6. Bjarne f 1921.

I 1928 selde Sør-Aurdal kommune til *Martin Olson Dalen* f 1896 d 1961, som var byggmeister, gm *Margit Søreng,* Røn, Vestre Slidre, f 1896 d 1955.

Erling O. Dahlen på nørdre Nerøydgarde 40/1, bror til Martin, kjøpte av buet etter Martin.

Eigar no er son til Erling, *Eilef Dahlen* f 1941, som overtok i 1966.

Hagin har om lag 20 da. innmark, av det 4 da. dyrka jord og noko slåtteland. Husa er våningshus, uthus og stabbur.

Hafton

Gamalt matrikkelnr. 144 under øvre Bagn, gamal skyld 5 skinn, av det Stanfinnmarke 4 og Hafton 1 skinn. Samla skyld er dels også oppgjeven til 4 skinn.
1838: **Nytt matrikkelnr. 40, ny skyld 1 dalar 4 ort 9 skilling.**
1888: **Gardsnr. 43, skyld 9 mark 42 øyre.**

Hafton, før også kalla Høgøydgarden, i daglegtale «Høgigard'n», ligg for seg sjølv nede i skoghellet, 640 m o.h. Til næraste granne er 600 m. Gardsvegen opp til bygdevegen er 1200 m lang og fylgjer om lag same lei som før.

Stanfinnmarke, som ligg lengre oppe, fekk i siste del av 1700-talet same eigar som Hafton. I 1804 vart Stanfinnmarke delt i to. Den søre delen, Sveitn, vart seinare matrikulert saman med Hafton gnr. 43 og den nørdre under gnr. 42. Ettersom Stanfinnmarke og Hafton alt på 1600-talet hadde tilknyting til kvarandre, blir Stanfinmarke fram til 1804 omtala saman med Hafton.

Hafton og Stanfinnmarke må vera gamle gardar, frå tida før 1350. I 1667 var dei øydegardar under øvre Bagn, og var kalla engeland. I ei rettssak om setrar i 1714 fortel eit vitne at brukarane på øvre Bagn låg i seter på Stanfinnmarken og Høgøydgarde. Men då det kom fastbuande folk, vart setringa flytta vestpå åsen. I rettssaka om innløysing av Hafton i 1719 oppgjev fleire vitne at det var 35-36 år sidan plassen Hafton vart brukt under Bagn. Ut frå dei sistnemnde vitneprova skulle Hafton vera rydda opp att etter øydetida i midten av 1680-åra. Stanfinnmarke ser ut til å ha fått busetnad noko seinare.

Namnet Hafton, som er nytta alt i dei eldste skriftlege kjeldene frå 1600-talet, er kan hende det gamle namnet på denne garden i mellomalderen. I Norske Gaardnavne er *Hafratún* nemnd som mogleg opphavleg form. Fyrstelekken kan då vera *hafri,* havre, eller *hafr,* geitebukk, og sistelekken *tún* n., tun. Sistelekken er kan hende også *tónni,* dativ eintal i bunden form av *tó* f., som tyder grasflekk eller ei lita grøn slette mellom berg og kratt. Det alternative namnet *Høgøydgarden* viser nok til eit karakteristisk trekk ved garden folk har festa seg ved gjennom øydetida, slik det må ha vore med namn som Storøydgarden og Langøydgarden.

Etter matrikkelen *1723* hadde Hafton skog til husbehov, kunne hogge 2—3 tylfter sagtømmer om året og hadde ikkje seter. Garden hadde flaumkvern og var frostlendt.

Stanfinnmarke var frå tidleg på 1600-talet bygsla av bønder på øvre Bagn. I 1621 er eigedomen kalla «Sofftun femark», i 1638 «Stauffn femark» og i 1641 «Staffnne fæmarken». I 1667 heiter det «Stavbømarken». Dei eldste formene gjer det ikkje urimeleg å tolke sistelekken i Stanfinnmarke som ei forvansking av ordet femark. Øydegardane var vanlegvis nytta nettopp som beite — femark — eller til slåtteland. Norske Gaardnavne føreslår derimot at substantivet *standfinger* m., ein stiv finger, brukt som personnamn, kan liggje til grunn. Under alle omstende synest det vanskeleg å koma til botnar i namnet.

Etter matrikkelen *1723* hadde Stanfinnmarke skog til husbruk, som med tida kunne vekse til sagtømmer. Det var seter i heimrasta der ein fekk eitt lass høy. Garden var frostlendt.

Hafton med Sveitn grensar i vest mot søre Langøydgarde eller austre Bagn i den øvste delen og lengre nede i lia mot Steinsetren og Fønnhus. I sør grensar Hafton mot Fønnhus, i aust mot Braka og i nord mot Braka og søre Langøydgarde.

Frå 1801 til 1804 var det sak om hamning mellom søre og nørdre Langøydgarden, Stanfinnmarke og øvre Storøydgarden, sjå øvre Storøydgarden.

Hafton har berre vore ein gard. Stanfinnmarke vart delt i 1804. Den søre delen vart Sveitn bnr. 2, medan den nørdre, matrikulert under gardsnummer 42, mot slutten av 1800-talet vart delt i øvre og nedre Setre.

Under Hafton låg plassane Vøllen og Brøtin. Den fyrste vart nedlagd i førre hundreåret og den andre i byrjinga av 1900-talet.

Folketal 1801—1900*

	Bonde-folk	Teneste-folk	Husmanns-folk	Handverks-folk	Arbeids-folk	Fattig-folk	Andre	Sum
1801	1		7					8
1865	11	3						14
1900	6	2	8					16

*I 1761 og -82 rekna saman med øvre Bagn.

Husdyrhald, utsæd og avling 1723 og 1866*

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1723	2	12	16	2 1/4		
1866	2	14	30	7 (korn)	27 (korn)	
				12 (poteter)	48 (poteter)	117 skpd.

* I 1761 og -82 rekna saman med øvre Bagn.

Eigarar

Ved utgangen av øydetida var Hafton krongods. I 1699 var Gerhard Treschow eigar, og selde då til Erik Arneson Fønnhus. Deretter var det fleire innanbygds eigarar inntil brukaren sjølv overtok kring 1760.

Også Stanfinnmarke var krongods ut frå dei eldste eigaropplysningane fyrst på 1600-talet. Krona er framleis ført som eigar i 1670, men i 1699 høyrde Stanfinnmarke til postmeister Søren Hansen Lemmich på Bragernes. Då selde han til Timann Gullikson Torsrud, og Stanfinnmarke gjekk over til innanbygds eigarar.

Bruk, husmannsplassar og bustadhus

I 1655 bygsla *Endre Braka* 1 skinn i ein rydningsplass kalla Hafton, og betalde 1 rd. I 1661 betalde Endre 1 setting bygg av Hafton, et «Røstøed». I 1667 var Hafton kalla engeland og låg under øvre Bagn. Oppsitjarane på øvre Bagn brukte som før nemnt Hafton ei tid som seter.

Den fyrste brukaren på Hafton etter øydetida var *Ola Mikjelson Bagn* frå øvre Bagn. Ola var død før kona *Guri Gudbrandsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk II, f ca. 1653 d 1699 på Hafton. Ola må ha brukt både Hafton og Stanfinnmarke, for i ei odelssak om øvre Bagn i 1706 klaga sonen Mikjel Olson Hafton over husa som far hans hadde bygt på plassane Stanfinnmarke og Hafton. Det vart vedteke at husa skulle ettersjåast. Ved skiftet etter Ola og Guri på Hafton i 1699 var bruttoeiga 160 rd. og nettoeiga 136 rd. Buet åtte 3 skinn i Bergsøydgarde og 4 skinn i Espeliøydgarde — tilsaman søre Langøydgarden — som sonen Mikjel overtok. Barn:

1. Inger (Inge) f ca. 1681.
2. *Mikjel* f ca. 1683, neste brukar, gm Ingebjørg Arnesdotter, sjå søre Langødgarden.
3. Gudbrand f ca. 1687 gm Siri Tåmåsdotter Roo, sjå søre Lie 1/1.
4. Beret f ca. 1689 gm Anders Andersson Tronhus, sjå øvre Storøydgarden.
5. Ola f ca. 1691.
6. Gjartrud f ca. 1695 gm Bjørn Olson Storøydgarden, sjå nedre Storøydgarden.

Sonen *Mikjel Olson* var brukar etter faren ei tid. Etter ei odelssak i 1706 overtok Mikjel tredelen av øvre Bagn, øvre Bagn bruk III, og budde der nokre år. Seinare kom han til søre Langøydgarden.

I 1699 var Gerhard Treschow eigar, og selde Hafton til Erik Arneson Fønnhus. Erik Arneson selde same år til Timann Gullikson Torsrud for 67 rd.

Etter at Mikjel flytta, går det ikkje klårt fram når det kom nye brukarar til Hafton. I ei sak i 1717 er nemnt ein *Arne Hafton.* Men iallfall seinare var garden sannsynlegvis brukt som seter, slik det beinveges heiter i 1726, sjå nedafor.

Til tinget i mars 1719 hadde Aslak Hallvorson Brattrud stemna Gullik Timannson Bagn, son til Timann Torsrud, av di Gullik ikkje ville motta pengar for den halvparten i Hafton han hadde arva på skiftet etter faren. Anne Mikjelsdotter, enkje etter Timann, hadde arva den andre halvparten.

Aslak Brattrud var gift med syster til Gullik, og meinte seg på vegner av henne å vera nærare til å løyse inn Hafton. No brukte Anne Mikjelsdotter Hafton for levetida si. Gullik syntest at Hafton burde fylgje den parten han åtte i øvre Bagn, som Hafton før hadde høyrt under, når Anne var død. Domen fastsette at ingen kunne gjera krav på det eine skinnet i Hafton så lenge Anne levde.

I 1722 selde Gullik Timannson Bagn, då på øvre Skjaker i Land, på eigne og vegner av broren Ola Timannson, som han var verje for, Hafton av skyld 1 skinn for 200 rd. til Anders Arneson Bagn.

I 1723 er *Aslak* oppført som brukar. Det må vel vera Aslak Hallvorson på Brattrud.

Anders Arneson, som kjøpte øvre Storøydgarden, selde i 1726 Hafton seter, som det heiter, for 240 rd. til Ola Kjellson og Ola Arneson Fønnhus.

Ved skøyte tinglyst i 1737 overdrog Anders Arneson halve Hafton til Embrek Ivarson. Denne delen hadde Anders overteke i utlegg etter avlidne Ola Nilsson, heiter det. Namnet er kan hende feilskrive for Ola Kjellson, død 1733, eller Hafton kunne vera seld vidare i mellomtida.

Son til Anders Arneson øvre Storøydgarden, Ola Andersson, vart seinare eigar. I 1754 er han nemnd på Storøydgarde, men var kalla Hafton i 1760.

Hallvor Larsson Hafton g 1740 m *Sesel Hallvorsdotter* brukte kan hende garden før Ola Andersson overtok. Hallvor vart gravlagd i Bruflat i 1755, 43 år gamal.

Tradisjonen fortel at Anders Arneson på øvre Storøydgarde, «Storigardskallen», ville ha Ola gift med ei tenestejente som gjekk med eit barn Anders var far til. Difor gav han Ola både pengar og garden Hafton til odel og eige. Tenestejenta skal ha heitt Margrete.

Tradisjonen kan vera rett, men tek iallfall feil når det gjeld namnet på jenta. For kona til Ola Andersson, som fyrst skulle ha vore tenestejente, heitte Guro. Derimot hadde Ola hadde ein son som gifta seg med Anne Margrete Andreasdotter Morland, dotter til tidlegare prest i Aurdal, Andreas Morland. Anne Margrete var enkje då ho gifta seg med Ola Hafton jr. I ettertida har det så kan hende oppstått ei namneforveksling.

Ola Andersson fekk tilnamnet «Tunin» av di han flytta tunet frå eit høgdedrag ved innmarka ned i dalsøkket der tunet er no. Han oppførte den kjende «Haftonsbygningen», no på Valdres Folkemuseum. I kjøkenet er innskore årstalet 1763. Embrek Maslangrud var tømmermann, Simen Haug, også frå Etnedal, var målar, og smedarbeidet vart utført av ein dei kalla «Storsmeden» frå Hedalen. Bygningen var lafta med store stokkar og hadde svalgang. I andre høgda skal ha vore eit orgel som vart gjeve til Bruflat kyrkje kring 1795. Eit vakkert altarklede med namnet Ole Andersen Hafton vart gjeve til Bagn kyrkje i 1783, og kom seinare til Reinli kyrkje.

«Tunin» hadde Svarteboka, og det stod redsle av han i bygda. Det er fortalt at han frakta alle bord og plankar til stugubygningen frå saga i Demmun på ei einaste natt.

Då «Tunin» var heime hjå faren, skulle han og tenesteguten køyre tømmer frå saga til Hafton ned til Saglirenna aust for Fønnhus. Båe la seg til å sova. Laurdag måtte tenesteguten køyre fram ein stokk og leggje han tvers over vegen foran hyttedøra. «Tunin» sette seg på ein krakk. Då tok tømmeret til å gå, og alle stokkane hadde ein svart flekk i kvar ende. Den siste stokken slo tvers av den som låg over vegen.

Ola Andersson vart gravlagd i 1809 på Bruflat kyrkjegard. (Valdres 27.8.1903 og 15.9.1921.)

Det gamle stabburet på Hafton, som skal vera bygt av «Tunin», Ola Andersson f 1728, son til «Storigardskallen». Stabburet vart flytta til øvre Tømtitn.

Ola Andersson øvre Storøydgarden f 1728 d 1809 g 1747 m *Guro Ellendsdotter Lunde* d 1795. Barn:

1. Anders f 1748 gm Gjartrud Bjørnsdotter nørdre Hestkinn, brukarar på Lunde i Etnedal. Faren Ola Andersson Hafton kjøpte Lunde i 1769, og etter oppdeling og nokre transaksjonar vart Anders eigar. I ein gamal Bibel på Lunde står at Anders vart skulehaldar i Skrauvål i 1766 og i Reinli i 1769.
2. *Ola* f 1754, eigar ei tid, gm Anne Margrete Andreasdotter Morland. Dei var brukarar på Onstad.
3. Mogleg Sjugurd, for ein Sjugurd Olson Hafton gifta seg i Bagn i 1775 m Beret Arnesdotter.

I 1781 selde Ola Andersson Hafton av 1 skinn og Stanfinnmarke av skyld 4 skinn, som han hadde kjøpt i 1773, for 1200 rd. til sonen *Ola Olson Onstad.* Ola Andersson har rimelegvis halde fram med å bruke garden, for i neste skøyte i 1800 er det sagt at han skulle ha livaure etter kontrakten sin.

Frå 1800 til 1808 var Hafton mykje på handel: I 1800 selde Ola Olson Onstad Hafton med Stanfinnmarke til eldste sonen *Ola Olson* for 996 rd. Ola makeskifta same år eigedomane for 800 rd. mot halvdelen i Onstad for 1000 rd. med broren *Hølje Olson Onstad.* I 1801 selde Hølje Olson Stanfinnmarke, no oppgjeven til 3 skinn, for 1012 rd. til *Arne Knutson,* sjå Sveitn 43/2. I 1803 makeskifta Hølje Olson resten, Hafton av skyld 1 skinn, for 899 rd. mot plassen nørdre Pøllen under Lien i Aurdal for 99 rd. med *Hølje Nilsson Lunde* eller *Søreim.* Sistnemnde Hølje gifta seg i 1804 m *Anne*

Gudbrandsdotter Maslangrudeige, og var då kalla Hafton. Barn på Hafton:

1. Nils f 1804.
2. Andreas f 1806.

I 1804 selde Hølje Nilsson for 1999 rd. til *Mikjel Arneson Tronhus.* Mikjel Tronhus makeskifta i 1806 Hafton for 600 rd. mot 1 skinn i Braka for 1200 rd. med *Gudbrand Gudbrandson Braka.* Mikjel tok unna tømmerskogen, men Gudbrand fekk lauvskogen. Med Hafton fylgde sag- og kvernbruk, og Gudbrand skulle svara livaure til Ola Andersson. I 1808 makeskifta Gudbrand Hafton for 1100 rd. mot 1 skinn i Fønnhus for 1250 rd. med *Ola Olson nørdre Fønnhus,* den eine av «Piggatn», sjå Piggemoen under nørdre Fønnhus. Ola Fønnhus selde same år til *Ola Andersson Lunde,* soneson til «Tunin», for 1600 rd. Han budde på Lunde. I 1811 kjøpte Ola Andersson også den eine halvdelen av Stanfinnmarke, seinare Sveitn, og hadde desse gardane til 1829.

Nokre år til 1825 er *Sjugurd Knutson* gm *Guri Maria Madsdotter* oppførte på Hafton. Sjugurd var bøssemakar, og også kalla forpaktar. I 1817 fekk Sjugurd dottera Gudbjørg d 1819 m Siri Knutsdotter Åseneige. Barn til Sjugurd og Guri Maria på Hafton:

1. Knut f 1818.
2. Knut f 1821.
3. Anne f 1823.
4. Marte Maria f 1825.

I mars 1826 vart Hafton og Stanfinnmarke takserte av di Ola Andersson Lunde ville søkje lån mot pant. I august same år pantsette han eigedomane samt nørdre Hestkinn for eit lån på 700 spd. frå Kristiania Sparebank. Hafton hadde om lag 20 mål åker, kunne år om anna fø 1—2 hestar, 15 naut og 20 småkrøter, hadde ei sumarseter og skog til husbruk og noko til sal. Husa var nokså bra. Stanfinnmarke hadde 10 mål åker, og kunne fø 1 hest, 8 naut og 10 småkrøter. Det var skog nok til sal. Husa var mindre bra. For Hafton vart taksten 900 spd. og for Stanfinnmarke 300 spd.

Ola Andersson må ha fått vanskar med å betala lånet, for Hafton og Stanfinnmarke vart selde på auksjon. I 1829 fekk son til Ola Anderson, *Anders Olson,* auksjonsskøyte på Hafton, Stanfinnmarke og Hestkinn for 600 spd.

Anders Olson Lunde eller Hestkinn selde same dag til *Ola Olson Ølmhus* eller *Erstad* og *Ola Mikjelson Bagnsøydgarden* for 800 spd. Dei delte eigedomen mellom seg slik at Ola Mikjelson fekk Stanfinnmarke eller Sveitn og Ola Olson Hafton. I februar 1832 vart Stanfinnmarke og Hafton delte med omsyn til grenser, fiske, kvern, sag og andre rettar. Setra Huken skulle vera felles. Hafton vart vurdert til 8/15 av den samla eigedomen og Stanfinnmarke til 7/15. Ved to skylddelingsforretningar i 1846 vart det gjort mindre endringar mellom Hafton og Sveitn.

Hafton (Høgøydgarden) bnr. 1

Ola Olson Ølmhus f 1796 d 1875 g 1829 m *Astrid Olsdotter øvre Sørflate* f 1801 d 1874. Barn:

1. Siri f 1830 gm Mikjel Olson Tømtitn.
2. *Ola* f 1832, neste brukar.
3. Ola f 1834 d 1836.

Inger Olsdotter Hafton f Storsvee 1853, her enkje, med barna Ole, Anne og Anne Marie.

Trulovingsbilete frå 1870 av Ola Olson Hafton f 1832 og kona Inger Olsdotter f Storsvee 1853. Dei gifta seg i 1871.

4. Olea f 1837 gm Mikjel Høljeson Roo, sjå nørdre Roo 8/3.
5. Marit f 1840 d 1885.

I 1854 selde Ola Olson garden for 100 spd. til sonen *Ola Olson Hafton* f 1832 d 1885 g 1871 m *Inger Olsdotter Storsvee* f 1853. Barn:

1. *Ole* f 1871, neste brukar.
2. Anne f 1873 gm Hans Thomasson Skarasetre. Dei kjøpte fyrst Tøndrum i Nordsinni, deretter Karsrud på Vestre Toten.
3. Anne Marie f 1875, til Amerika 1899. G der m Asmund Klevmoen, Nord-Torpa.

Inger Olsdotter g 2. 1886 m *Engebret Olson Storøydgarden,* sjå Haugen 40/2.

Ola Hafton f 1832 var svært hendug, særleg som tømmermann og smed. Han sette opp alle husa som no står og bygde fleire sager, m.a. ei oppgangssag i eit fall mellom øvre og nedre Demma. — Saga var oppsett etter 1857, då Ola Hafton og Ola Sveitn inngjekk forlik om ei sag i Haftonstjednbekke, der gardane hadde halvdelen kvar. Ola Hafton ynskte å flytja saga til eit gamalt sagfall mellom øvre og nedre Demma. Ola Sveitn ville ikkje dele kostnaden ved flyttinga, og overdrog delen sin i sagreiskapen. — Øvre Demma vart oppdemd for å skaffe vatn til saga. Her skar Ola alle materialar til husa på garden. I tilknyting

til saga hadde Ola også høvelmaskin og dreiebenk som vart drivne med vatn. Saga vart teken av vårflaum mellom 1885 og -90.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 16 mål høglendt åker og dyrka eng, 80 mål slåtteland, frå setrar og utmark kom 17 skippund høy, hamninga var god, 10 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast, og dei lauva 1000 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 12 naut, 18 sauer, 2 grisar, og sådde 3 tønner bygg og 3 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med bordtak. 2. Eit bryggerhus med bordtak. 3. Eit fjøs med bordtak. 4. Eit stabbur med bordtak.

Ved skiftet etter Ola Olson vart garden i 1886 utlagd til *Inger Olsdotter*. Ho og den nye mannen Engebret Olson selde i 1894 til son til Inger, *Ole Olson Hafton* f 1871 d 1958. Ole vart ein dyktig smed likeins med faren. Han let Valdres Folkemuseum få Haftonsbygningen.

I 1953 selde Ole Olson til systersonen *Ole H. Skarasæther* f 1907, som tok namnet Hafton, gm *Jofrid Bang*, Tamburgarden 39/5, f 1910. Barn:

1. *Ola* f 1938, neste brukar.
2. Syver f 1944 gm Live Sigrun Langødegård, busette i Etnedal.

Ola Olson Hafton f 1938, eigar frå 1974, gm *Bodil Mikkelsgård* f 1945. Barn:

1. Astrid f 1967.
2. Jorunn f 1972.

Hafton har 50 da. dyrka jord og ca. 3000 da. skog og utmark. Gjennom åra har skogen gjeve størsteparten av inntekta. Før måtte dei køyre tømmeret med hest ned til Begna. Namn i innmarka er *Stuguåker'n, Fjøsåker'n, Koffestykket, Svenskemyre* og *Storemyr*.

Det gamle stabburet som «Tunin» bygde, vart i 1870-åra flytta til Tømtitn, og står no på øvre Tømto. Noverande våningshus, som tok over for Haftonsbygningen, vart bygt i 1874, stabburet i 1867, eldhuset i 1869 og låven i 1884.

Til 1885 hadde Hafton setra Huken, saman med Sveitn, og har ikkje hatt seter sidan.

I 1885 vart inngått ein hamnekontrakt mellom Sveitn og Hafton. Hamna hadde før vore felles, men skulle heretter fylgje delet mellom skogane. Sveitn skulle ha setervollen Huken, og Hafton fekk attende slått som Sveitn hadde hatt i skogen til Hafton samt fiskevatnet Busjøen.

Frå gamalt låg ei kvern i bekken frå Haftonstjedn til Demma. Kvernhuset vart rive kring 1910 då Ole Hafton bygde ei sirkelsag same stad. I 1918 vart saga flytta fram i garden, og vasskrafta erstatta med ein bensinmotor.

Haftonsbrøtin

Plassen Haftonsbrøtin, i daglegtale Brøtin, låg om lag 300 m nordvest for tunet, i skogen som støytte mot jordet. Her var stugu, låve, fjøs og stabbur. Brøtin vart nedlagd i 1927, og er no nytta som beite.

Dei fyrste kjende husmannsfolka, Embrek Larsson og kona Gro Sveinsdotter, fekk husmannskontrakt for levetida si i 1836, og skal etter tradisjonen ha rydda Brøtin.

Avgifta på 4 spd. 3 ort skulle betalast med 12 dagar slått, 4 mål skur, 1 arbeidsveke om våren og 1 om hausten, og vinterarbeid for 1 spd. 4 ort.

Embrek Larsson Storøydgardseige, søre Bagnsjordet 39/13, f 1799 d 1900 på Gottenborg g 1822 m *Gro Sveinsdotter nedre Tronhussetre* f 1802. Dei er før nemnde i Tronhussetren i 1822 og -25 og på Langøydgardseige i 1828 og -33. Barn:

1. Kari f 1822 g 1. m Ola Olson Rødningen, sjå Rødningen under under Tømto, g 2. m Mikjel Arneson Leikebakke, sjå Leikebakkebøle 45/3.
2. Svein f 1825 gm Ingrid Olsdotter Torsrud, sjå Halle 44/9.
3. Inger f 1828 gm Arne Gudbrandson Åseneige, sjå Leikebakke 45/2.
4. Siri f 1833 gm Arne Andersson Navrud, sjå Navrud 11/3.
5. Gunhild f 1837 d 1921, i 1900 tenestejente på Leikebakke.
6. Guri f 1841 gm Sjugurd Olson Storsveeige, sjå Bergabrøtin 39/34.
7. *Marit* f 1845, neste husmannskone. I 1866 fekk Marit sonen Gabriel d 1867 med Ola Gabriel Skogstad på Gastgjevarhauge.

Embrek og Gro var også husmannsfolk i 1875, men var i 1865 husmannsfolk på Leikebakkebøle. Deretter tok dottera Marit og versonen over, og er nemnde til 1884.

Ole Arneson Torsrudlykkja f 1853, var snikkar og også i Brøta i 1875, g 1876 m *Marit Embrekssdotter Brøtin* f 1845. Barn i Haftonsbrøta:

1. Guri f 1877.
2. Kari f 1879.
3. Anne Maria f 1881.
4. Elise f 1884.

Frå 1892 er *Ole Olson Gullberg* og *Olea Gudbrandsdotter Bjødnaskaret* nemnde. Dei var her også i 1900, men kom sidan til Tåmåsbrøtin under Langedrag, sjå Tåmåsbrøtin 52/3.

Vøllen

Plassen Vøllen var rydda i utmark nokre hundre meter aust for tunet. Stuguklokka i Vølle står no på Hafton.

Tradisjonen fortel om ein *Håvård* i Vølle. Men dei einaste som kyrkjebøkene knyter til staden, er *Timann Gudbrandson Langedragslie* og *Marit Olsdotter Sørflate.* Dei er nemnde i Vølle 1848—57, og på Tronhussetereige i 1860, sjå nedre Brøtin under Tronhussetren. Vøllen er korkje nemnd i folketeljinga 1865 eller 1875. No er staden tilvaksen.

Haftonseige

Knut Kristaferson Leikebakke f 1760 d før 1801 g 1784 m *Beret Embreksdotter Rustøe,* Høve bruk II, f 1758 d 1843 på Stanfinnmarken, er nemnde på Leikabakke 1785, på Stanfinnmarken og Stanfinnmarkseige 1786—91, på Storøydgardseige 1793 og på Haftonseige 1797. I 1801 brukte Beret ein plass under Hafton. Barn:

1. Kristafer f 1785 d 1785.
2. Gjartrud f 1786.
3. Guri f 1789, til Land 1818, frå Land 1820.
4. Kristafer f 1791 d 1797.

5. Kari f 1793.
6. Beret f 1796, til Land 1818.
7. Kristine f 1798 d 1798.

Anders Andersson Lundatn gm *Anne Kristafersdotter Stanfinnmarke* er nemnde på Haftonseige 1828 og -30, sjå Smedmoen 50/23.

Hafton, ukjend bustad

Torgrim Arneson søre Fønnhus f ca. 1684 g 1731 m *Ragnhild Olsdotter* er nemnde i Setren 1732 og -33, og på Hafton 1736. Barn i desse åra:

1. Beret f 1732 d 1732.
2. Gunhild f 1733.
3. Arne f 1736.

Salmakar *Peder Knutson,* rimelegvis frå Trondhjem, Etnedalen, fekk i 1825 dottera Anne med *Kari Knutsdotter Hafton.*

Stanfinnmarke

Stanfinnmarke er nemnd så tidleg som i 1621, og var underbruk ut 1600-talet. Men også i store delar av 1700-talet ser eigedomen ut til å ha vore brukt av bønder på andre gardar, og det let seg ikkje gjera å fylgje ei samanhengjande brukarrekkje. I dei siste tiåra av hundreåret låg iallfall Stanfinnmarke under Hafton. Fyrst etter 1800 kom stabil busetnad.

I 1621 bygsla *Ola øvre Bagn* 4 skinn i «Sofftun femark» av krona for 16 skilling. Sonen *Mikjel Olson* bygsla eigedomen i 1641 av di faren då hadde overlete han til Mikjel.

I matrikkelen 1667 er Stanfinnmarke kalla engeland. Me høyrer også at oppsitjarane på øvre Bagn setra her og på Hafton før dei flytta med setring til Veståsen. I odelssaka om øvre Bagn i 1706 heiter det at *Ola Mikjelson,* son til Mikjel Olson øvre Bagn, hadde bygt hus både på Hafton og Stanfinnmarken.

I 1699 hadde Søren Hansen Lemmich, postmeister på Bragernes, seld Stanfinnmarke av skyld 4 skinn, då kalla plass, til Timann Gullikson Torsrud for 98 rd.

Timann Torsrud selde i 1711 for 141 rd. til *Erik Arneson Steinsetre* frå Fønnhus. Erik makeskifta i 1713 til seg øvre Storøydgarden, og ser ut til å ha budd der i 1720. I 1715 er han nemnd på Høgøydgarde — Hafton, men er i 1719 kalla Setre. I ei sak om grenser mellom Braka, Langøydgarden og Leikebakke i 1731 opplyste Erik, no på Tronhus, at han for ca. 18 år sidan brukte Stanfinnmarke i ni år, men det er uklårt anten han budde på øvre Storøydgarde eller Stanfinnmarken.

I 1723 er *Ola* oppført som brukar. Det kan ha vore *Ola Øyhus,* som i grensesaka fortalde at for to år sidan brukte han Stanfinnmarke i fem år.

I 1725 selde Erik Arneson Stanfinnmarke til *Ola Ellendson Setre* eller *Skarasetre.* Med i salet var også engeslettet Tåmåsbrøtin og tredelen i setra Sletto. Kjøpesummen for alt var 600 rd.

I 1729 selde sønene til Ola Ellendson, Simen Olson og Ola Olson, båe kalla Stanfinnmarke, slåttelandet Tåmåsbrøtin under Espeliøydgarde — som inngjekk i søre Langøydgarde —

til Mikjel Olson Espeliøydgarden for 100 rd. Slåttelandet var kjøpt at Anders Storøydgarden, heitte det.

I 1729 selde dei andre barna til Ragnhild Simensdotter, kona til Ola Ellendson Skarasetre, arv etter henne for 133 rd. til Simen Olson Skaratn og Ola Olson Stanfinnmarke. Ola Ellendson Skarasetre overdrog delen sin i Stanfinnmarken til dei fire barna i 1741 etter å ha fått alt han hadde krav på etter skiftet i 1728.

I 1743 selde Simen Olson Skaratn delen sin, 2 skinn, i Stanfinnmarken for 185 rd. til broren *Ola Olson Stanfinnmarke.* Ola Olson brukte også plassen Ure under nedre Bagn bruk III, og det var mogleg der han budde.

I 1753 var *Arne Mikjelson Eid* og *Mikjel Mikjelson Bagn* eigarar, og selde då Stanfinnmarke av skyld 4 skinn for 306 rd. til *Anders Simenson.*

Anders Simenson Stanfinnmarke, son til førnemnde Simen Olson, selde i 1755 for 320 rd. til broren *Mikjel Simenson Skaratn* f 1734 g 1. 1756 m *Marit Hallvorsdotter* f ca. 1721 d 1771 på Stanfinnmarken. Barn, i Setren:

Simen f 1758.

Mikjel Simenson g 2. 1772 m *Gudbjørg Olsdotter* f ca. 1738 d 1774 på Braka. Barn:

1. Ola f 1772 d 1774.
2. Marit d som spedbarn 1774.

Mikjel Simenson g 3. 1774 m *Anne Olsdotter Braka,* sjå Skaroeige.

Til sumartinget 1766 var Mikjel Simenson Stanfinnmarke innstemna av futen for å ha forbrote seg mot helligdagsfreden. Mikjel hadde kome til Hedalen på kyndelsmesse — 2. februar, og hatt med seg brennevin som han om kvelden hadde skjenka på Iljanstad til folk som hadde samla seg der. Mikjel vart dømd til å bøte 20 rd. og betala sakskostnaden m.m. på 9 rd.

I 1773 selde Mikjel Olson Stanfinnmarke for 700 rd. til *Ola Olson Hafton,* og fram til 1801 låg Stanfinnmarke under Hafton, sjå der.

I 1801 selde Hølje Olson Onstad Stanfinnmarke, der skylda no er oppgjeven til 3 skinn, for 1012 rd. til Arne Knutson. Arne Knutson selde i 1804 halvdelen av Stanfinnmarke, og hadde att den parten som seinare var kalla Sveitn.

Sveitn bnr. 2

Arne Knutson må vera *Arne Knutson nørdre Lundatn* f 1761 g 1793 m *Ingrid Olsdotter Garthuseige* f 1764. Dei er nemnde på Stanfinnmarkeige 1794, på Haftonseige frå 1795 og var i 1801 husmannsfolk under Hafton. Barn:

1. Beret d som spedbarn 1794.
2. Ola f 1795 d 1797.
3. Beret f 1798.
4. Knut f 1803.

I 1811 selde Arne Knutson til *Ola Andersson Lunde* for 850 rd. Ola Lunde hadde i 1808 også kjøpt Hafton, og var eigar av båe gardpartane til 1829. I 1826 vart eigedomane takserte i høve eit låneopptak, sjå Hafton.

I 1829 fekk *Anders Olson Lunde* eller Hestkinn auksjonsskøyte, og selde

Det eldste tunet i Sveo, med den eldste bygningen til venstre. Biletet er fra før 1884.

same år til Ola Olson Ølmhus og Ola Mikjelson Bagnsøydgarden. Ola Mikjelson overtok Sveitn, som ved skyldlegging i 1832 vart vurdert til 7/15 av heile eigedomen. Ved to skylddelingar i 1847 vart gjort mindre endringar i tilhøvet mellom Hafton og Sveitn. I 1839 kjøpte Ola Mikjelson noko åker og mark frå Braka for 100 spd.

Ola Mikjelson Bagnsøydgarden, nedre Bagn bruk IV, f 1804 d 1889 g 1830 m *Ingrid Olsdotter Hestkinn* f 1808 d 1895. Barn:

1. Tora f 1831 gm Arne Olson Sålså.
2. Mikjel f 1833 d 1872.
3. Anne f 1836 gm Reiar Tåmåsson Skarasetre.
4. *Ola* f 1838, neste brukar.
5. Ellend f 1841 d 1843.
6. Ingebjørg f 1844 d 1878.
7. Ellend f 1848 gm Ingebjørg Mikjelsdotter Tømtitn, kom til Espeset, Etnedal.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 16 mål høglendt og dårleg åker og dyrka eng, 51 mål vanleg slåtteland, frå setrar og utmark kom 17 skippund høy, det var god hamne, 15 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast for sal, og dei lauva 1000 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 9 naut, 19 sauer, 4 geiter, 1 gris, og sådde 3 tønner bygg og 3 tønner poteter.

I 1873 selde Ola Mikjelson for 300 spd. til sonen *Ola Olson Sveitn* f 1838 d 1921 g 1880 m *Kari Olsdotter Øvregarden* f 1833 d 1918.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus i to høgder med bordtak. 2. Ei stugu med bordtak. 3. Eit stabbur med bordtak.

Bygningen i Sveo, oppført ca. 1884. Uvanleg mykje folk er samla på garden, men grunnen er ikkje kjend.

Ola Mikjelson f 1804, «Gamlesveingen», og kona Ingrid Olsdotter f Hestkinn 1808.

I 1902 selde Ola Olson til son til Kari, *Sigurd Mikkelson Sørbøen* f 1872 d 1935 gm *Jørand Julsdotter Månum,* Skrautvål, f 1885 d 1927. Etter å ha teke læraareksamen på Elverum, vart Sigurd Sørbøen i 1898 lærar ved Hølera skule. I 1903 vart han lærar på Leirskoge som då vart eigen skulekrins. (Valdres 23.4.1932 og 7.11.1935.) Barn:

1. Kari f 1909 d 1983 gm Mikael Langødegård, sjå Langeid 40/16.
2. *Ola* f 1911, neste brukar.
3. Mikael f 1913 d 1986 gm Ingeborg Grøv, Vang, busette i Røn, Vestre Slidre.
4. Per f 1914.
5. Gjermund f 1916.
6. Sigurd f 1918 gm Guri Grøv, Vang, busette på Raufoss.

7. Erling f 1922 d 1977, busett i Oslo.

Ola S. Sørbøen f 1911 d 1972, eigar frå 1937, gm *Sigrid M. Mikkelsgård* f 1908 d 1983. Barn:

1. Sigurd f 1941.
2. *Mikael* f 1943, neste eigar.
3. Kjell f 1945 gm Vigdis Gjerdingen, Bilit, Østre Toten, busette på Raufoss.
4. Magnar f 1948 gm Svanhild Nerødegård.

Mikael Sørbøen f 1943, eigar frå 1972, gm *Anne-Lise Nygård,* Kolbu, f 1942. Barn:

1. Hildegunn f 1972.
2. Ola f 1973.
3. Gudmund f 1976.

Sveitn ligg sørvend, 670 m o.h., og har morene- og noko myrjord. Gardsvegen er noko omlagd, sist i 1974. Dyrka jord er 95 da. og skog 3400 da. Noverande eigar har nydyrka 55 da.

Namn i innmarka er *Skjerten, Badstuguåker'n, Badstugueikra, Trøe* — inntil sumarfjøset, *Gråten, Langåker'n, Bakkeåker'n, Låveeikra, Kvee, Mosenge* — som vart spadd opp på myr av ein som heitte Mo, *Langsenge, Hestehaugen, Aspelheim* og *Hallajordet* — som vart kjøpt frå Braka.

Tre generasjonar i Sveo utafor seterdøra på Huke ca. 1912. Til venstre Kari Olsdotter Sveene f Øvregarden 1833 med kaffikjelen, Kari Sørbøen, Jørand Sørbøen f 1884 med sonen Ola f 1911 på armen, og til høgre Sigurd Berger, halvbror til Jørand, seinare eigar av Fagernes Rørleggerforretning.

På tunet er ei gamal stugu, ei stabbur frå Hafton, ei anna gamal stugu, påbygd kring 1890 og no kårbygning, hovudbygning frå 1884, vølt i 1956, -60 og -69, vølt og påbygd også i 1986, og uthus frå 1972.

Setra Huken hadde Sveitn før 1885 saman med Hafton.

Haugtun bnr. 4

Bustadhus 1973 på tomt utskild frå Sveo 1971, bygt av *Per S. Sørbøen* f 1914, vaktmeister på Leirskogen skule. Han eig også skogen Stanfinnmarke gnr. 42 bnr. 6.

Aspelheim

På Aspelheim på nordsida av fylkesvegen bygde *Anders Olson Lønnum* gm *Gunhild Aslaksdotter Haugsrudeige* ei stugu etter at dei hadde budd på Lønnum under nørdre Langøydgarde. Seinare bygde dei Lønnum 49/5, sjå der. Stugu på Aspelheim vart flytta til Breidablikk, og der kalla «Suomi».

I 1980 vart Aspelheim, som var skogvaksen og på 16 da., seld til kommunen til bustadfelt.

Stanfinnmarke, ukjend bustad

Sjugurd Kristaferson fekk i 1831 dottera Anne med *Guri Gjermundsdotter Stanfinnmarke.*

Braka (Braker)

Gamalt matrikkelnr. 165, gamal skyld 4 skinn.
***1838:* Nytt matrikkelnr. 41, ny skyld 3 dalar 3 ort 20 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 44, skyld 9 mark 7 øyre.**

Braka, som ligg om lag 680 m o.h., kan etter Norske Gaardnavne mogleg ha namn etter ein bekk. *Brakar* er fleirtal, medan bekkenamnet sannsynlegvis har hatt eintalsforma *Brǫk*. Venteleg har namnet samanheng med *brak* n., brak eller larm.

I 1725 gjorde brukarane av Leikebakke, Braka og nørdre og søre Langøydgarden på den eine sida og Gudbrand Olson Esbjuk av Land på den andre forlik om grensa for setra Markestad og plassen Haugrud, som Gudbrand Esbjuk åtte.

I 1731 var det grenseoppgang mellom søre og nørdre Langøydgarden, Braka og Leikebakke.

I 1756 inngjekk Anders Bagn på øvre Storøydgarde på den eine sida og oppsitjarane på Braka på den andre kontrakt om skogdelet på den søre seteråsen.

Etter øydetida er Braka nemnd fyrste gong i 1650-åra, og i 1667 klassifisert i den lægste skatteklassa som rydningsplass.

I *1661* betalde Endre Braka 1/8 tønne bygg i tiende og 1 setting av Hafton. Tiende *1666:* 1/8 tønne 1 setting bygg og 1/2 setting bygg av Leikebakke. Matrikkel *1667:* Leikebakke vert brukt under garden, men av *Guttorm,* medan oppsitjarane på Braka heiter *Knut* og *Tøstein.* Matrikkel *1723:* Det er skog til husbruk, av sameigeskogen kan hoggast 2—3 tylfter sagtømmer av furu og gran om året. Seter i bygdeallmenningen, men inga høyslette. Garden ligg frostlendt. Matrikkel *1761:* To husmenn, det kan hoggast 2 tylfter sagtømmer, og pengane til skattar og utgifter kjem i fyrste rekkje frå skogen.

På Braka var alt i 1664 to bruk — bruk I og II. I 1813 vart *bruk I* delt i Halle bnr. 9 og bruk Ib. I 1839 vart mesteparten av bruk IIa kjøpt til Halle. Frå Hallen vart bnr. 10 utskild i 1857. Denne parten vart seld til Braka bnr. 1 i 1877, og har sidan høyrt til bnr. 1. I 1904 vart Brattebakke bnr. 17 frådelt Hallen. Bruk Ib vart i 1838 selt til Braka bnr. 1.

Bruk II vart i 1803 delt i bruk IIa og Braka bnr. 1. Størsteparten av bruk IIa vart i 1839 seld til og gjekk inn i Halle bnr. 9. Frå bnr. 1 vart slåttelandet Strypen utskilt i 1826, men kom attende til garden ved makeskifte i 1869. Brakajordet bnr. 8 vart utskild frå bnr. 1 i 1861. Frå Brakajorde vart den gamle og nedlagde plassen Gofabrøtin utskild som Bergseng bnr. 19 i 1910, Brenne bnr. 21 og Høystad skog bnr. 22 i 1915. Bnr. 22 saman med Høystad bnr. 20, utskild i 1915 frå noko skog som igjen var fråseld Braka bnr. 1, utgjer bruket Høystad. Frå teigen Kjernhauglien bnr. 13, utskild frå Braka bnr. 1 i 1890, vart Fjelleng bnr. 14 utskild i 1914. Myrvang bnr. 23 vart frådelt Fjelleng i 1914. Nybrøtin bnr. 16 vart utskild frå bnr. 1 i 1904, og øvre Nybrøtin bnr. 24 i 1938.

I 1942 forklarte Anne Mathea Skjærstein, f på Braka 1853, seg om tilhøva på Gravsetro kring og litt før 1865. Då var det åtte hus der i tillegg til eit gamalt fjøs og eit lite grisehus. Braka og Jordet hadde ei bu saman og Halle ei bu. Dei tre bruka hadde ei lyu kvar, Braka og Halle eit fjøs med 20 båsar og Jordet eit eige fjøs med fire båsar og sauehus i den andre enden. Braka og Halle hadde eit sauehus saman og eit gamalt fjøs og eit lite grisehus som var oppsett ved veggen til fjøset. Braka hadde 8 mjølkekyr, 2 ungdyr, 8 geiter og 10 sauer. Halle hadde 5 mjølkekyr, 2 ungdyr og 6 sauer, og Jordet 4 mjølkekyr og 4 sauer. Folka i Haftonsbrøta brukte også å vera der med 2 kyr saman med Braka og Halle. Anne Mathea hugsa også at Tåmås Skarasetre var på Gravsetren med dyra sine.

Den einaste kjende plassen under Braka er Gofabrøtin, i 1811 kalla Brøtin. Gofabrøtin var rydda seinast i 1801. Etter mange år utan folk i andre halvdel av 1800-talet, vart plassen utskild som Bergseng bnr. 19 i 1911, og bygd opp til eit nytt bruk.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	4	13	17

	Bondefolk	Tenestefolk	Husmannsfolk	Handverksfolk	Arbeidsfolk	Fattigfolk	Andre	
1782	14	1					1	16
1801	13	1	3		1			18
1865	13	3	4	1				21
1900	29	1	9				1	40

Husdyrhald, utsæd og avling 1657—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1657	1	4	13			
1723	2	13	20	2 1/4		
1761	2	15	21	2 2/5	13 1/2	26 lass
1782	2	14	24	4	20	72 lass
1866	2	18	32	8 7/8	35 1/4	143 skpd.
				korn		
				13 1/2	53	
				poteter		

Eigarar

Braka har vore bondegods så langt attende me kjenner.

Bruk, bustadhus og husmannsplassar

I 1655 betalde *Endre Braka* 1 rd. i fyrstebygsel for 1 skinn krongods i rydningsplassen Hafton. Endre er også oppført i tiendelista 1661, men *Knut* i kvegskattelista 1657. Det ser då ut for at Braka tidleg var to bruk. I manntalet 1664 heiter brukarane *Knut Kristenson,* rimelegvis identisk med førnemnde Knut, og *Tøstein Embrekson.* Bruket til Knut er nedafor kalla bruk I, og bruket til Tøstein bruk II. Båe hadde ei skyld av 2 skinn.

Braka bruk I

Knut Kristenson, 36 år gamal i 1664, men d 90 år i 1709, var etter eit skifte på Braka i 1705 etter dottera Tora og versonen Anders, gm *Beret Gudbrandsdotter.* Beret hadde hatt odelsrett til 2 skinn i garden. Beret var kan hende syster til kona på bruk II, Tøren Gudbrandsdotter, for Tora Knutsdotter var sagt å vera syskenbarn til Ivar Tøsteinson, son til Tøren. I tillegg til barna med Beret, hadde Knut Kristenson sonen *Kristen,* brukar etter halvsystera Tora. Barn til Knut og Beret:

1. Magelin d ung.
2. *Tora,* neste brukar.

Tora Knutsdotter d ca. 1698 gm *Anders Johanson* f ca. 1659 d 1695. Ved skiftet i 1706 var brutttoeiga 10 rd., og buet åtte 2 skinn i Braka. Berre dottera Beret levde opp. Tora Knutsdotter hadde slekt på Oppeim, for i 1721 selde Jens Olson Braka, gm Beret Andersdotter, 3 1/2 skinn i Oppeim for 34 rd. til Svein Knutson nedre Espelie. Denne parten hadde Beret Andersdotter arva etter mora Tora Knutsdotter. I 1700 var Østen Tøsteinson Oppeim formyndar for Beret Andersdotter, og pantsette 1 skinn i Braka til Erik Arneson Steinsetre for 25 rd. Barn som me kjenner til Anders og Tora:

1. *Beret* f ca. 1690, neste brukar.
2. Knut f 1695 d 1696.

Kristen Knutson gm *Ingrid Ellendsdotter* var brukarar etter Anders Johanson og Tora Knutsdotter.

I september 1713 var det odelssak på Braka. Jens Olson, trulova med Beret Andersdotter som hadde arva garden, hadde stemna Kristen Knutson til å overlata Braka. Dei vart forlikte om at Kristen skulle flytja til fyrste faredag.

Jens skulle ha 2 lass høy til våronnfôr av Kristen og 2 tylfter tømmer som Kristen hadde hogge. Kristen skulle også køyre ut gjødsla og leggje den på åkeren som trong han mest. Beret skulle ha alt som tilfall henne etter skiftebrevet etter far hennar frå 1706, og Kristen måtte betala 2 rd. i landskyld for den tida han hadde brukt garden.

Jens Olson f ca. 1683 d 1743 gm *Beret Andersdotter Braka* f ca. 1690 d ca. 1749. Jens var var rimelegvis frå Nord-Aurdal, ettersom han i 1713 var kalla både Onstad og Garli. Barn, av

dei levde berre fire ved eit skifte på Hellandshøle i 1753, Ola, Anders, Tora og Dordi:

1. Ragnhild f 1714 gm Ola Olson Lineikro.
2. *Ola* f 1716, brukar seinare.
3. Anders f ca. 1718 d 1728.
4. Henrik f 1721 d 1743.
5. Lars f 1723.
6. Anne f 1724.
7. Dordi f 1725.
8. Ingebjørg f 1728.
9. Tora f ca. 1729.
10. Siri f 1730.
11. Anders f 1734 g 1. m Kari Mikjelsdotter Bagn, g 2. m Guri Olsdotter Bagn, sjå båe gonger Milevatnet 38/4.
12. Ola f 1738 d 1748.

I 1731 var Jens med grannen Ivar Braka stemna for å ha gjeve husrom og hjelp til Knut Vesterbø, som var dømd for drap på bror sin, Ola Knutson Rye. Knut hadde rømt frå lensmannsarresten. Fyrst hadde han oppheldt seg i badstugu til Ivar, deretter på Veslesetren til Braka, og sidan hadde dei hjelpt han av garde nordover. Å hjelpe den rømde fangen, i staden for å bringe han til lensmannen, vart sett på som eit alvorleg brotsverk. På hausttinget i november 1731 vart difor Jens og Ivar frådømde buslotten sin — alt dei åtte med unnatak av jorda — som skulle inndragast til kongen.

I 1735 pantsette Jens Olson garden til *Arne Erikson Tronhus* som brukeleg pant i 27 år. Jens overtok noko i Tronhus av Arne, som Jens ikkje hadde gjort opp for, og var også skuldig Arne for retten til halve Braka, til saman 204 rd. Spørsmålet om Braka viser venteleg til at 1 skinn her i 1700 var pantsett til far til Arne, Erik Arneson. Dette pantet kan då ikkje ha vore innfridd.

Jens Olson Braka og Beret Andersdotter budde deretter på Hellandshøle, der båe døydde. Ved skiftet etter Jens i 1743 var bruttoeiga 220 rd. og nettoeiga 81 rd. Ved skiftet etter Beret i 1749 var bruttoeiga 189 rd. og nettoeiga 38 rd.

Arne Erikson Tronhus overdrog i 1737 pantet i Braka til farbroren *Anders Arneson Storøydgarden,* som han var skuldig 204 rd.

Anders Arneson Storøydgarden kjøpte i 1737 den andre halvdelen av Braka. I 1740 overdrog han 3 skinn med alle husa på den nørdre delen, ei bu med trev som hadde tilhøyrt den søre samt setra Veslesetre til Bård Jensson og Aksel Andersson. Sjølv heldt Anders att 1 skinn og tømmerskogen.

Aksel Andersson, i 1736 kalla Setre, g 1736 m *Kjersti Vilhelmsdotter Leikebakke* f 1707, er nemnde på Storøydgarde 1738 og på Braka 1740 og -42. Kan hende var Aksel i slekt med den Anders Akselson som er nemnd som husmann under Langedrag i 1732. Barn som me kjenner:

1. Vilhelm f 1738.
2. Vilhelm f 1740.
3. Per f 1742.

Bård Jensson Leikebakke gm *Ingebjørg Pålsdotter* er nemnde på Braka i 1740 og på Lundo i 1746, sjå Dølveseige.

I 1746 overdrog Anders Arneson Bagn, eller Storøydgarden, 2 skinn, eller bruk I, til *Arne Kristaferson Langedrag* for 300 rd. I 1750 overdrog An-

ders også 1 skinn i det andre bruket til Arne for 255 rd.

I 1753 stemna Ola Jensson Hellandshølen Arne Langedrag til å ryddiggjera bruk I, som far til Ola, Jens Olson, hadde pantsett i 1735. Men til hausttinget i september same år hadde dei vorte forlikte om at Arne skulle overlata garden til Ola til 14. april 1755.

Etter forliket skulle Ola Jensson betala dei 300 rd. Arne hadde gjeve mot at Ola overtok sagtømmeret som Arne Langedrag inneverande år hadde hogge i skogen til Braka, om lag 30 tylfter. Så lenge Arne Langedrag brukte den andre delen av Braka, skulle han som før nytte setra Langbrenne, som han sjølv hadde rydda og bygt opp, mot å svara 2 ort årleg til Ola Jensson. Arne Langedrag skulle også bruke fjerdedelen i Gravsetren.

Ola Jensson Braka, Braka bruk I, f 1716 d 1774 g 1. 1763 m *Marit Knutsdotter Piltingsrud* f ca. 1730 d 1769. Barn:

Jens f 1767, neste brukar.

Ola Jensson g 2. 1771 m *Anne Olsdotter nedre Sørflate* f 1740. Barn:

Ola f 1771 d 1773.

Anne Olsdotter g 2. 1774 m *Mikjel Simensen Braka.* Dei er nemnde på Braka til 1779 og på Langøydgarde i 1782, sjå Skaroeige.

I 1766 var Ola Jensson stemna for ulovleg å ha selt brennevin, og måtte bøte med 20 rd.

I 1773 stemna Ola enkja Gunhild Ellendsdotter Skjerstein for ei ku ho hadde hatt til leige frå han.

I 1782 er *Tore Gudbrandson* brukar, men seinare overtok sonen til Ola Jensson, Jens Olson.

Jens Olson Braka f 1767 g 1793 m *Marit Arnesdotter Kyrkjebjørgo,* Humleberg 25/3, f 1772 d 1848. Barn:

1. Marit f 1794 gm Arne Håvårdson Storøydgarden, sjå Braka 44/1.
2. *Ola* f 1796, neste brukar, sjå Halle 44/9.
3. Ingebjørg f 1799 gm Gudbrand Tonvoll.

I 1813 selde Jens Olson ein del av garden, bruk Ib, skyldsett same år for 4/5 skinn, til eldste dottera Marit Jensdotter, trulova med Arne Håvårdson Storøydgarden. Same år vart det fastsett livaure til Jens og Marit av den fråselde delen. Sonen Ola skulle overta den andre delen av garden, Halle bnr. 9 av skyld 1 1/5 skinn. Ola Jensson fekk skøyte i 1821 for 200 spd.

Halle (Braker) bnr. 9

Ola Jensson Braka f 1796 d 1856 g 1821 m *Anne Olsdotter Rust* f ca. 1797 d 1857. I 1839 kjøpte Ola Jensson 21/32 skinn av bruk IIa, som vart lagt til Halle, av Anders Andersson. Barn:

1. *Jens* f 1822, neste brukar.
2. Ola f 1825, kalla Granumsbergatn 1888.
3. Nils f 1828 d 1886, fekk Braka 44/10.
4. Marit f 1832 gm Håvård Arneson Braka, sjå Braka 44/1.
5. Ingebjørg f 1835 g 1859 m Johannes Nilsson frå Elja sokn i Värmland.
6. Olea f 1839 gm Hans Madsen.
7. Arne f 1842 d 1843.

I 1855 selde Ola Jensson for 300 spd. til sonen Jens, og i 1857 vart bnr. 10 utskild til sonen Nils.

Jens Olson Braka f 1822 g 1853 m *Kari Håkensdotter Hoel* f ca. 1835. Dei reiste til Amerika med barna i 1861. Barn:

1. Ole f 1854.
2. Hans Kristian f 1856.
3. Oleanna f 1858.

I 1861 selde Jens Olson for 800 spd. til *Svein Embrekson Braka,* Haftonsbrøtin, f 1825 g 1864 m *Ingrid Olsdotter søre Tronrud* f 1834. Svein selde garden i 1877. Deretter flytta Svein og Ingrid til plassen Svee under Gastgjevarhauge. På sine gamle dagar flytta Svein til ei dotter som var gift i Etnedal Barn:

1. Ole f 1864.
2. Guri f 1867 gm Ole Simensen Øydgarden eller Haug.
3. Karine f 1869.
4. Elling f 1872 d 1873.
5. Engebret f 1874.
6. Inger f 1876.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 10 må høglendt åker og dyrka eng, 65 mål ganske magert slåtteland, frå Gravsetren og Myro kom 8 skippund høy, 3 tylfter grantømmer kunne hoggast, og dei lauva 500 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 7 naut, 9 sauer, 1 gris, og sådde 2 tønner bygg og 3 tønner poteter.

I 1877 selde Svein Embrekson til *Håvård Arneson Braka* på Braka 44/1, sjå der.

I 1890 selde Marit Olsdotter, enkje etter Håvård Arneson, Halle til sonen

Olaus Håvelson Brager f 1874 gm Karoline Kristiansdotter Låksrud, Skrautvål, f 1894, var brukarar i Hallen.

Ole Håvelson Braka, Braka 44/1, f 1864 d 1929 g 1895 m *Anne Kristoffersdotter søre Koparvike* f 1864 d 1908. I 1917 kjøpte Ole Håvelson øvre Braka 44/15 av Sigurd Sørbøen, men selde same år til sakførar Hans A. Eid, Søndre Land. Barn:

1. Jøran f 1896 gm Kristian Bartnes, Etnedal.
2. Marit f 1900.

Ole Håvelson selde Halle i 1903 til broren *Olaus Håvelson Brager,* Braka 44/1, f 1874 d 1954 g 1912 m *Karoline Kristiansdotter Låksrud,* Skrautvål, f 1894 d 1974. Barn:

1. *Halvard* f 1913, neste brukar, eigar frå 1947.
2. Marit f 1914 gm Karstein Øybakken, Etnedal, busette i Nittedal.
3. Magne f 1916 gm Magna Furuheim, Nordsinni, bur der.
4. Nils f 1918 gm Gudveig Øybakken, sjå Bergli 44/35.
5. Magnhild f 1920 gm Tormod Lien, sjå Skogheim 41/11.

Halle har om lag 60 da. innmark i lett helling, av det 35 da. dyrka jord, og 973 da. skog i Tjednhauglien. Dei siste åra har jordvegen vore bortleigd. Namn i innmarka er *Bergaåker'n* og *Litengbakkin*. I eldre tid stod husa på det som no er øvre Braka.

Halle har frå gamalt hatt setra Gravsetre saman med bnr. 10.

Braka (Braker) bnr. 10

Braka bnr. 10 vart utskild frå Hallen i 1857, og seld same år for 150 spd. av Jens Olson Braka til broren *Nils Olson Braka,* Halle 44/9, f 1828 d 1886.

Nils selde i 1877 til *Marit Olsdotter* på bnr. 1, som bnr. 10 sidan har høyrt saman med.

Etter matrikkelførebuinga 1866 hadde bnr. 10 7 mål høglendt åker og dyrka eng, 30 mål ganske magert slåtteland, frå Brenn kom 3 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, 4 tylfter grantømmer kunne hoggast, og det kunne takast 200 lauvkjerv.

Bergli bnr. 44

Bustadhus på tomt utskild frå Hallen i 1961, bygt 1962 av *Nils Brager,* Halle 44/9, f 1918, anleggsarbeidar, gm *Gudveig Øybakken,* Etnedal, f 1921. Barn:

1. Kjellaug f 1941 gm Arne Hagadokken, Bagn, busette i Oslo.
2. Borghild f 1944 gm Sten Bodin, Oslo, busette i Asker.
3. Odd Egil f 1960.

Braka bruk Ib

Braka bruk I b, utskilt frå bruk I i 1813 og skyldsett same år for 4/5 skinn, selde Jens Olson Braka i 1813 for 400 rbd. til den komande versonen *Arne Håvårdson Storøydgarden.*

Eigedomen omfatta ein del inngjerda mark samt halvdelen i resten av garden — i skog og mark heime og på åsen, halvdelen i setrane, plassen Brøtin, samt halvdelen i kvernhuset og badstugu.

Jens Olson og kona Marit Arnesdotter skulle ha fylgjande livaure: 10 skjepper stritt bygg, 1/4 tønne malt, 1 skjeppe salt, 1 skjeppe rug, 1 tønne poteter, 8 alen strie, 1 rull engelsk tobakk, og røkt og stell av 4 småkrøter.

I 1820 makeskifta *Mikjel Mikjelson Braka* og Arne Håvårdson eigedomar, slik at Arne overtok bruk IIb og Mikjel bruk Ib.

Mikjel Mikjelson selde i 1835 for 300 spd. til *Sjugurd Arneson Storøydgarden,* som i 1838 selde for same sum til *Arne Håvårdson.* Bruk Ib saman med bruk IIb vart då Braka bnr. 1.

Brattebakke bnr. 17

Etter tradisjonen skal den fyrste kjende husmannen i Brattebakke ha heitt Ola G. Brattebakke. Det må vera *Ola Gudbrandson* frå nørdre Langedragsli-

en f 1825 gm *Karen Dagfinnsdotter* f ca. 1822. Dei er nemnde på Brakaeige i 1860, kan hende identisk med plassen «Bratlie av Leirskogen», der dei var i 1858. I 1855 er dei nemnde i Brenningen under Storøydgarde. Tradisjonen fortel at Ola var med i den tysk-danske krigen, som må vera krigen i 1848. Etter utflyttingslista i kyrkjeboka drog Ola og Karen til Amerika i 1861. Ola var då kalla Langedragslie. I 1856 fekk Ola dottera *Olea,* brukar seinare, med Johanne Olsdotter Tåmåsbrøtin. Barn til Ola og Karen som me kjenner:

1. Gustav f ca. 1853.
2. Fredrik f 1855.
3. Inger Maria f 1858.
4. Anne Kristine f 1860.

Husmannsfolk i 1865 var *Fredrik Halldorson* gm *Pauline Persdotter*, nemnde på Brakaeige også i 1863. Barn som me kjenner:

1. Hans Andreas f ca. 1859 d 1862.
2. Helene f 1863.
3. Iver f 1865.

I 1865 hadde Fredrik og Pauline 2 naut, 3 sauer, 3 geiter, og sådde 1 tønne bygg og 1 tønne poteter.

I 1875 er Brattebakke ikkje nemnd, men *Ola Olson nørdre Langedragslie* f 1850 og *Lise Kristensdotter* (Martinsdotter 1891), Hanastad, Land, f ca. 1858, er nemnde her i 1879. I 1882 og -85 er dei nemnde i Langedragslien, men 1890—94 i Brattebakke att. Dei flytta til Vassliåsen, Nordre Land, og kjøpte bruket Sveingjerdet. Barn:

1. Karen Mathea f 1879 d 1881.
2. Karen Mathea f 1882 gm Peter Andreas Andersen Høistad, sjå Høystad 44/20,22.
3. Anne f 1885 gm Hans Larsson Storbakken, Nord-Fron, sjå Vabrøtin 39/49.
4. Oleanna f 1890.
5. Gustav f 1894.

Hjå Ola og Lise budde i 1891 også, som innerstar, syster til Ola, *Kristine Olsdotter nørdre Langedragslie* f 1851 gm *Ola Narveson Sørflatdalen* f 1802 d 1896. Ola døydde på Brakaeige, som må vera Brattebakke. På øvre Storøydgardseige fekk dei i 1882 sonen Ole d 1883. Kristine Olsdotter g 2. 1896 m *Andreas Trondson Bakkatn,* Nord-Aurdal, sjå Øymoen 54/19 og Liamyre 47/8.

Anton Olson Komperud og *Karine Trondsdotter Eidsbakkatn* er nemnde i Brattebakke i 1897, sjå Kristafersplassen 2/5.

I 1899 fekk Ole Evenson Hagin og kona Olea Olsdotter kontrakt for levetida si. Etter folketeljinga budde dei i Brattebakke i 1900. Ole kjøpte bruket i 1906 etter skylddeling i 1904. Dei dyrka opp 30—32 da. og bygde husa som no står — uthus og våningshus. Då Ola og Olea kom, fanst berre ein liten jordlapp og nokre hus. Ei tid hadde dei hest, fire kyr og åtte sauer. Skog og utmark var ca. 300 da.

Ole Evenson Hagin, Rundbrøtin under Steinsetren, f 1869 d 1930 g 1896 m *Olea Olsdotter Hagin* f 1856, dotter til Ola Gudbrandson Brenninge, før i Brattebakke, og Johanne Olsdotter Tåmåsbrøtin, sjå Smedmoen 50/23. Olea kjøpte Hagin 42/7 i 1886 og selde i 1899. Barn:

Alma f 1899 i Haga, neste eigar.

Alma Olsdotter Brattebakke f 1899 g 1926 m *Halvard Knutson Øverli,* Etnedal, f 1897 d 1976. Barn:

1. Olga Anbjørg f 1926 gm Ottar Lien, sjå Knutsonlie 22/12.
2. Anna Ovedie f 1928 gm Aksel Sørensen, Danmark.
3. Oddveig Kristine f 1932.

Frå 1976 har buet etter Halvard Øverli vore eigar. Brattebakke har stått tom sidan midten av 1970-åra, og er feriestad.

Braka bruk II

Tøstein Embrekson, 36 år i 1664, d kring 1697, var brukar på denne parten i 1664 og framover. Far hans var rimelegvis den Embrek Tøsteinson Braka som i 1666 vitna i ei sak om odelsrett på Kollsgard, då 100 år gamal. Embrek og Tøstein hadde før brukt Langedrag, sjå der. Tøstein Embrekson var gm *Tøren Gudbrandsdotter* f ca. 1622 d 1717. Garden, som var odelsgods til Tøren, vart taksert for 100 rd. I odelssaka i 1720, sjå nedafor, fortel sonen Ivar Tøsteinson at foreldra hadde budd på Braka sidan han vart fødd, og no er han godt over 50 år gamal. Tøren budde som enkje på Braka i 20 år etter at mannen døydde. Barn:

1. *Gudbrand* f ca. 1662, neste brukar.
2. *Ivar,* sjå nedafor.
3. *Amund,* sjå nedafor.
4. Embrek, i 1720 på Enger i Land.
5. Tørris, sannsynlegvis g 1707 m Beret Jørgensdotter Eid, på Strømmenseige, sjå Tørrisplassen 74/33.
6. «Giutte» (Gyda?), d seinast 1717, gm Hallvor.

Gudbrand Tøsteinson f ca. 1662 d 1698 er nemnd som brukar frå 1690. Barn som me kjenner:

1. Sjugurd, eldste son.
2. Tallak, i 1717 soldat på Ringerike.
3. Ola f 1692, nordafjells i 1717.
4. Siri gm Knut Olson i Torpa.
5. Guri f 1694.
6. Tøren f 1696.

Amund Tøsteinson g 1. 1696 m *Johanne Olsdotter,* mogleg f ca. 1667 og d 1721 på Øyhus. Amund bygsla 1/2 skinn i Leikebakke i 1695, men Amund og Johanne er nemnde på Braka 1700—1706. Barn:

1. Barbro f 1697.
2. Kari f 1700 gm Ola Ivarson Leistrud, sjå Leistrud, ukjend bustad.
3. Siri f 1702.
4. Ola f 1704 gm Gjartrud Persdotter, sjå nedre Brattebakke 29/8.
5. Ellend f 1706 gm Marit Tøsteinsdotter, sjå Bagn, ukjend bustad.

Amund Tøsteinson g 2. 1722 m *Eli Hallvorsdotter,* sjå Vøllsmoen.

Ivar Tøsteinson er nemnd på Braka 1701—18. Barn desse åra:

1. *Mikjel* f 1701, neste brukar.
2. Tøren f 1702 d 1703.
3. Anne f 1703 d 1704.
4. *Embrek* f 1706, brukar ei tid.
5. *Gudbrand* f 1710, brukar ei tid.
6. Ola f 1718.
7. Beret f 1720 d 1720.

Til vintertinget 1720 var Ivar Tøsteinson innstemna av brorsonen Sjugurd Gudbrandson, eldste son til avlidne Gudbrand Tøsteinson. Sjugurd, som var soldat, had-

de kravt å få overta garden. På Enger i Land for to år sidan hadde Sjugurd fått 6 rd. i pengar og ei ku for 4 rd. for odelsretten sin. Det skjedde då Sjugurd fekk utkalling som soldat mot fienden — Karl 12. og svenskane. Då tenkte han ikkje å koma heim att, og mottok pengane som hjelp medan han var soldat. Men no var han ikkje lenger nøgd med avtala. Han var husvill med kone og barn, og hadde sjølv bruk for ein gard.

Ivar og Sjugurd vart forlikte om at Ivar innan 14. april skulle betala arvelutane i garden til Sjugurd og syskena hans, og dessutan 2 rd. til Sjugurd. Dersom fristen ikkje vart overheldt, skulle Ivar overlata garden til Sjugurd neste vår.

1. mars 1720 lånte Ivar Tøsteinson 83 rd. av Anders Knutson Lunde, mogleg for å oppfylle forliket med Sjugurd Gudbrandson, og pantsette garden til Anders. Pengane skulle betalast attende med levering av sagtømmer i fire år.

Ivar Tøsteinson overlet garden i byrjinga av 1730-åra til sønene Embrek og Gudbrand.

I 1732 lyste Hans Sjugurdson i Land, son til førnemnde Sjugurd Gudbrandson, pengemangel til innløysing av Braka, som Ivar Tøsteinson brukte. Garden var odel til far hans, og Hans akta å løyse han inn. Men i 1735 fekk brørne Embrek og Gudbrand, som no må ha overteke, odelsskøyte for 20 rd. av Sjugurd Gudbrandson, på Sjurud under Skinnerud — i Austsinni i Land — på vegner av sonen Hans. Hans var då 18 år gamal.

Embrek Ivarson Braka f 1706 g i Bruflat 1732 m *Anne Olsdotter*. Barn på Braka:

1. Kari f 1733.
2. Ingebjørg f 1735.
3. Anne f 1738.

Gudbrand Ivarson Braka f 1710 d 1783 g 1732 m *Turid Steinarsdotter Lundatn* f 1701 d 1782. Båe døydde på Braka. I 1740-åra er dei nemnde i Steinsetren. Barn:

1. Ingebjørg f 1733 g 1. m Gudbrand Monsson Sørum, g 2. m Gudbrand Hansson Tollevsrud, sjå båe gonger under Sørum.
2. Guro f 1735.
3. Ivar f 1740 d 1741.
4. Anne f 1742 gm Harald Håkenson Tollevsrud, sjå Kjensrud.
5. *Gudbrand* f 1745, neste brukar.
6. Ivar f ca. 1746 mogleg gm Ingrid Mikjelsdotter Fønnhus, sjå Sørli i Hedalen.

I 1737 selde Gudbrand og Embrek garden, av skyld 2 skinn, til *Anders Arneson Bagn* på Storøydgarde. Som motyting overdrog Anders 1 1/2 skinn i Steinsetren til Gudbrand og 1/2 skinn i Hafton til Embrek. Anders Bagn overtok same år også bruk I som pant.

Nokre år deretter kan bror til Gudbrand og Embrek, *Mikjel Ivarson* f 1701 d 1772 i Bruflat, ha vore leiglending. Mikjel var g 1736 m *Beret Andersdotter*. Dei er nemnde i Setren 1738, på Braka 1739 og -42, og på Jukam 1746. Barn i desse åra:

1. Anders f 1738.
2. Andreas f 1739.
3. Ingebjørg f 1742.
4. Beret f 1746.
5. Anne f 1746, tvilling med Beret.

I 1750 selde Anders Arneson 1 skinn i bruk II for 255 rd. til *Arne Kristaferson Langedrag,* som i 1746 også hadde kjøpt bruk I.

I 1752 selde Anders Bagn den andre halvdelen av bruk II, eller 1 skinn, til førnemnde *Gudbrand Ivarson Braka* for 195 rd. Gudbrand må også ha overteke den andre halvdelen frå Arne Langedrag. I 1754 fekk han odelsskøyte frå Gudbrand Sjugurdson Skinnerud i Austsinni— som må ha vore ein annan son til Sjugurd Gudbrandson — for 10 rd. for odelsrett i 2 skinn i Braka. Gudbrand Sjugurdson hadde i 1752 lyst pengemangel til innløysing av Braka.

I november 1766 selde Gudbrand Ivarson garden til *Gudbrand Sjugurdson* på plassen Lyshaugen under Skinnerud i Land for 1300 rd., då sistnemnde hadde bede om å få att odelsgodset sitt. Men alt i desember same år skøytte Gudbrand Sjugurdson til son til Gudbrand Ivarson, Gudbrand Gudbrandson. Sistnemnde skulle betala dei 1300 rd. til far sin samt 50 rd. til Gudbrand Sjugurdson. Gudbrand Sjugurdson hadde ikkje klart å skaffe løysingssummen til fastsett tid. Han var også kome til at det ikkje ville vera tilrådeleg for han, «som er en fattig mann», å ta på seg ansvaret for renter for så mange pengar.

Gudbrand Gudbrandson Braka f 1745 d 1777 g i Bruflat 1771 m *Gunhild Olsdotter Skjerstein* f ca. 1752 d 1812. Ved skiftet etter Gunhild i 1813 var bruttoeiga 88 rbd. og nettoeiga 64 rbd. Gudbrand fekk i 1766 sonen Knut med Brynhild Knutsdotter Finnstugu, og i 1771 dottera Siri med Kari Andersdotter Tronhus. Barn til Gudbrand og Gunhild:

1. Turid f 1772 gm Ola Gunnarson Sørflate, sjå Turibrøtin 27/5.
2. *Gudbrand* f 1775, neste brukar.
3. Gudbrand f 1777 gm Live Knutsdotter Haug, sjå Kølbu 46/4.

Gunhild Olsdotter g 2. 1778 m *Mikjel Mikjelson nørdre Fønnhus* f 1753 d 1830. Barn:

1. Mikjel f 1780 d ung.
2. Mikjel f 1782 gm Marit Hallvorsdotter Lundeeige, sjå Braka 44/1.
3. Olea f 1785 gm Ola Amundson Eid, sjå Eidsmoen under Eid.
4. Gjartrud f 1789 gm Sjugurd Olson Bagn, sjå Vøll, ukjend bustad.

Etter stefaren overtok *Gudbrand Gudbrandson Braka d.y.* f 1775 d 1841 g 1. 1800 m *Ragnhild Olsdotter Hafton,* som var enkje, f ca. 1746 d 1803. Gudbrand Gudbrandson g 2. 1804 m *Ingebjørg Sjugurdsdotter Lundeeige.* Barn til Gudbrand og Ingebjørg:

1. Gudbrand f 1804.
2. Ola f 1807, fekk i 1835 dottera Ingebjørg gm Hallvor Jermiasson Erstadbrøtin, sjå søre Rugbrøtin 15/7, med Kari Eriksdotter Koparvike.
3. Ragnhild f 1809 d 1809.
4. Gunhild f 1811.

I 1803 selde Gudbrand Gudbrandson halve garden, bruk IIa eller Halle, til halvbroren Mikjel Mikjelson for 499 rd. Denne delen hadde far til Mikjel og stefar til Gudbrand, Mikjel Mikjelson d.e., fått til bruk etter kontrakt mellom Gudbrand og Mikjel d.e. i 1798. Mikjel d.y. kunne difor ikkje overta før far hans var død eller ville overlata parten.

Braka bruk IIa

Mikjel Mikjelson Braka d.y. selde i 1810 for 500 rd. til halvbroren *Gudbrand Gudbrandson,* som same tid selde for 2000 rd. til *Sjugurd Olson Ølmhus.* Sjugurd Ølmhus selde i 1811 for 2800 rd. til *Arne Sjugurdson Skjerstein* gm *Ingebjørg Mikjelsdotter Bagn*, sjå Skjerstein.

I februar 1827 fekk Arne Sjugurdson lånetakst på Halle. Det var 12 mål åker, og bruket kunne fø 1 hest, 6—7 naut og 20 småkrøter. Husa var i måteleg stand. To setrar høyrde med. Taksten i alt vart 600 spd.

I 1833 fekk *Anders Andersson Lundatn* auksjonsskøyte for 250 spd. Anders delte i 1839 frå noko åker og mark, skyldsett for 1/4 skinn, som same år vart seld til Ola Mikjelson Stanfinnmarke. Same år vart Gravsetre m.m. frådelt og seld til Ola Mikjelson Langøydgarden. Resten av garden selde Anders Andersson i 1839 for 200 spd. til Ola Jensson Braka. Denne parten, etter frådelingane med ei skyld av 21/32 skinn, gjekk då inn i Halle bnr. 9.

Braka (Braker) bnr. 1

I 1806 makeskifta Gudbrand Gudbrandson på Braka bruk II denne delen, eller 1 skinn, for 1200 rd. mot Hafton for 600 med *Mikjel Arneson Fønnhus.* Tømmerskogen til Braka var sett bort for hogst til Ola Andersson Lunde i åtte år, og no stod sju år att.

Mikjel Arneson Fønnhus selde i 1808 attende til *Gudbrand Gudbrandson,* no kalla Fønnhus, for 1600 rd.

I 1810 selde Gudbrand Gudbrandson for 1300 rd. til halvbroren *Mikjel Mikjelson Braka,* Braka bruk II, f 1782 g 1813 m *Marit Hallvorsdotter,* som var enkje, før mogleg gm Ola Sjugurdson på Kølbu. Barn:

1. Gunhild f 1816 gm Ola Olson Dølveskamben, sjå nedre Bjødnsplassen under Dølve.
2. Maria f 1819 gm Helmer Erdemann Lorentzen Bakken, Nes i Hallingdal.
3. Hallvor f 1821 gm Barbro Torgrimsdotter Haugsrudeige, sjå under Piltingsrud.
4. Olea f 1824.
5. Mikjel f 1827 d 1828.

I 1820 makeskifta Mikjel garden med Arne Håvårdson Braka mot Braka bruk Ib.

Arne Håvårdson Storøydgarden, Haugen 40/2, f 1792 d 1853 g 1814 m *Marit Jensdotter Braka,* Braka bruk I, f 1794 d 1884. Barn:

1. Ingrid f 1814 gm Arne Arneson Bøle, på Skjersteineige, til Amerika 1852.
2. Jens f 1816 g 1848 m Marit Monsdotter Steinsetre. Dei er nemnde på Braka i 1849 og -51. I 1851 fekk dei husmannskontrakt på Gullberg under nørdre Fønnhus, sjå der, og reiste til Amerika i 1857.
3. *Håvård* f 1818, neste brukar.
4. Marit f 1820 gm Ola Erikson Koparvike, sjå Koparvikbrenne 50/2.
5. Dordi f 1822 gm Anders Gudbrandson Langedragslie, sjå Sveinedokke under Langedrag.
6. Anne f 1825.
7. Arne f 1827 gm Marit Olsdotter Rødningen, sjå Brakajordet 44/8.

Frå tunet i Braka bnr. 1. Hans Brager f 1881 er køyrekar. Foto: Kristine Thorsrud.

8. Ingebjørg f 1829 gm Ole Andreas Olson Finnstugu.
9. Sjugurd f 1835 gm Marit Monsdotter Steinseterlie, Liabekklie 52/4, f 1837.

I 1826 selde Arne Håvårdson slåttelandet Strypen, skyldsett same år for 1/6 skinn, til Embrek Håvårdson Langøydgarden for 100 spd. Embrek selde Strypen i 1858 for 150 spd. til *Arne Arneson Braka,* som i 1861 makeskifta Strypen mot Brakajordet med broren Håvård Arneson på bnr. 1.

I 1838 kjøpte Arne Håvårdson Braka bruk Ib av skyld 4/5 skinn, som gjekk inn i bnr. 1, av Sjugurd Arneson Storøydgarden.

I 1854 selde Marit Jensdotter for 350 spd. til sonen *Håvård Arneson Braka* f 1818 d 1876 g 1853 m *Marit Olsdotter Braka,* Halle 44/9, f 1832. Barn:

1. Anne Mathea f 1853 gm Ole Olsen Tåmåsbrøtin, sjå øvre Skjerstein 46/1.
2. *Arne* f 1856, neste brukar.
3. Olea f 1859 gm Ole Syverson Tronhuseige, sjå Heiebrøtin 56/6.
4. Marit f 1862.
5. Ole f 1864 gm Anne Kristoffersdotter Koparvike, sjå Halle 44/9.
6. Martin f 1867 d 1886.
7. Anne f 1869 g 1902 m jarnbanearbeidar Anders Olafson Lindström, Søndre Finnskoga, Värmland. Dei fekk i 1902 sonen Albin i Gällivare i Norrbotten, og i 1903 sonen Håvard på Braka.
8. Jens f 1872 d ung.
9. Olaus f 1874 gm Karoline Kristiansdotter Låksrud, Skrautvål, sjå Halle 44/9.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 15 mål høglendt åker og dyrka eng, 60 mål vanleg slåtteland, frå Gravsetren, Brenn og Strype kom 36 skippund høy, det kunne hoggast 5 tylfter

Frå Braka bnr. 1. Frå venstre ein ukjend mann, Marit Brager f 1885 gm Mikkel Olson Mikkelsgård, Amanda Brager f 1889 gm Ole Olson Skaran (Skaro), og til høgre Marie Brager f 1883. Bak står Thoralf Brager, no eigar av Ellendshaugen.

grantømmer, dei lauva 800 kjerv, og garden var noko tungbrukt. I 1865 hadde dei 12 naut, 18 sauer, 12 geiter, 1 gris, og sådde 3 tønner bygg og 4 tønner poteter.

I 1890 selde Marit Olsdotter til sonen *Arne Håvelson Braka* f 1856 d 1905 g 1881 m *Tonette Olsdotter Ellendshaugen* f 1858 d 1939. Barn:

1. *Hans* f 1881, neste brukar.
2. Anne Marie f 1883.
3. Marit f 1885 gm Mikkel Olson Mikkelsgård.
4. Ole f 1887, til Amerika.
5. Amanda f 1889 gm Ole Olson Skaran, sjå Skaratn 47/1.
6. Arne f 1891, til Amerika.
7. Tora Jensine f 1893 gm Olav Olson Dahlen, sjå Dalen 41/5.
8. Ragna f 1895.

Hans Brager f 1881, eigar frå 1928, brukte Braka til 1944. Då selde han til systersonen Arne Mikkelsgård, og flytta sjølv til Ellendshaugen, som han hadde kjøpt i 1943 etter morbroren Ole Erlandshaugen.

Arne Mikkelsgård f 1913 g 1945 m *Margit Brænd* f 1914, dotter til Berte Marie nedre Skjerstein f 1886 gm Olaf Brænd, Aurdal, f 1886. Barn:

Anne Marie f 1948, har sonen Arne Olav f 1972.

Braka bnr. 1 har 35 da. dyrka jord i stort sett lett helling og 70 da. anna jordbruksareal. Skog og utmark er på 3200 da., av det er 2700 da. produktiv skog. I innmarka er namna *Kinnjordet, Strypen, Storåker'n* og *Stabbur-*

Tonette Olsdotter f Ellendshaugen 1858 gifta seg til Braka bnr. 1. I midten fru Solheim, Oslo, og til høgre Ragna Brager f 1895, dotter til Tonette, handarbeidslærarinne m.a. på Vest-Oppland folkehøgskule.

haugen. Etter den gamle setervegen til Gravsetre ligg *Kvilesteinhaugen,* dit var det halvvegs opp på åsen.

Det gamle tunet låg på *Stabburhauge* om lag 100 m nordafor noverande tun. Husa no, bygde kring 1887 av Arne Håvelson, er våningshus, seinare påbygt og restaurert, stabbur og uthus. Låven brann i 1978. Dei siste åra har dei hatt sauer.

Gravsetre vart utskild i 1887 som bnr. 2, og seld same år til Ole Olson Skaratn.

Skogtun bnr. 33

Bustadhus på tomt utskild frå bnr. 1 i 1958. Eigar 1969 var *Arne Mikkelsgård.*

Eigarar no er *Knut E. Nybråten* gm *Inger Sortebekk.* Dei bur og arbeider på Hønefoss, og brukar Skogtun som feriestad.

Brakajordet bnr. 8

Brakajordet vart utskild frå bnr. 1 i 1861, og same år makeskifta til Arne Arneson Braka mot slåttelandet Strypen.

Arne Arneson Braka, Braka 44/1, f 1827 d før 1880 g 1853 m *Marit Olsdotter Rødningen,* Rødningen under Tømto, f 1821 d 1902 i Bagnslykkjun. Barn:

Arne f 1856, neste brukar.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 3 mål høglendt og dårleg åker og dyrka eng, 30 mål magert slåtteland, frå Gofabrøta, Gravsetren, Brenn og Myro kom 9 skippund høy, dei lauva 500 kjerv, og garden var tungbrukt. I

1865 hadde dei 3 naut, 9 sauer, 2 geiter, og sådde 1 tønne bygg og 2 tønner poteter.

I 1880 selde Marit Olsdotter for 400 spd. til sonen *Arne Arneson* f 1856 gm *Tonetta Olsdotter søre Bagnsjordet,* sjå Bagnslykkja 39/9.

I 1900 var *Gudbrand Olson* f ca. 1862 og *Beate Olsdotter* f ca. 1863 i Nordre Land, forpaktarar. Dei er nemnde på Aspelheim 1889, i Sveo 1893, i Haftonsbrøta 1895 og i Haga 1904. Barn i desse åra:

1. Olga f 1889.
2. Ole f 1893.
3. Anna f 1895.
4. Borghild f 1896.
5. Ole f 1900.
6. Thora f 1904.

I 1903 selde Arne Arneson til *Anton Olson Håvårdsonplassen* f 1860 g 1884 m *Anne Iversdotter Bagnsøydgarden,* Milevasslie 41/4, f 1861 d tidleg. Anton var lenge blind. Anton flytta frå Jorde til Brenne 44/21, seinare til Vestre Toten. Anton og Anne er nemnde i Milevasslien 1885 og i Håvårdsonplasse 1887—1901. I folketeljinga 1900 er dei oppførte som husmannsfolk i Bringelien, seter til Fønnhus. Barn:

1. Olaf f 1885 gm Anne Eriksdotter Joplassen, til Bøverbru, Toten.
2. Guri f 1887, til Raufoss.
3. Sigrid f 1891 d 1891.
4. Ivar f 1897.
5. Simen f 1899 d 1900.
6. Sigrid f 1901, til Oslo.

I 1911 selde Anton Olson Jordet til *Peter Andreas Andersen,* sjå Høystad 44/20.

Peter Andersen selde i 1916 til *Ole Arneson Bjørneskaret* gm *Berte Gunvaldsdotter Storsvelykkja.* Ole Bjørneskaret kjøpte Brubakkin 39/23, sjå der.

I 1927 selde Ole Bjørneskaret til *Eline Halsteinsdotter Holt,* f Granum, Etnedal, 1882 d 1960 gm *Martin Monsson Holt* f 1878 d 1910 ved ein skyteulykke. Barn:

1. Magnus f 1906 d 1926.
2. Håkon Trygve f 1908, gm Rakel Løvås, Oslo, busette der, sjå Birkely 44/30.
3. *Martin* f 1910, neste brukar.

Martin Holt f 1910 fekk auksjonsskøyte i 1936, gm syskenbarnet *Inga A. Holt* f 1912. Martin dyrka opp mykje jord, og bygde nytt uthus i 1948 og nytt våningshus i 1950. Frå 1961 gjekk han i gang med bulldosardrift. Barn:

1. Bjørg f 1937 gm Roald Sæther, Ljødalen, Trysil, busette i Oslo.
2. Kari f 1938 gm Steinar Pedersen, Strømmen, busette i Oslo.
3. Halstein f 1940 gm Torild E. Rundbråten, har bygt bustadhuset Bjørkheim, sjå der.
4. Anna Eline f 1943 gm David Mikkelsgaard.
5. Tora f 1945 gm Bent Olsen, Danmark, busette i Sørum.
6. Terje f 1950 d 1952.

Brakajordet har etter fleire frådelingar ca. 30 da. innmark, av det ca. 7 da. dyrka jord i bratt lende, og ca. 25 da. skog. Dei gamle husa er borte og tunet flytta litt ned. Husa no er våningshus og uthus.

Gravsetre vart utskild i 1887 som bnr. 3, og seld same år til Ole Olson Skaratn.

Bjørkheim

Bustadhus på Brakajorde, bygt av *Halstein Holt* f 1940 gm *Torild E. Rundbråten,* Hølera, f 1949. Barn:

1. Sten f 1969.
2. Rune f 1971.

Birkely bnr. 30

Bustadhus frå 1950, no brukt som feriestad, på tomt utskild frå Brakajorde same år, bygt av *Håkon Holt,* Brakajordet 44/8, gm *Rakel Løvås,* Oslo. Barn:

Knut f 1952.

Solstad bnr. 34

Bustadhus på tomt fråskild Brakajorde i 1954, bygt av *Ottar Granli,* Øystre Slidre, f 1922 gm *Astrid Holt,* Fjelleng 44/14, f 1928. Barn:

1. Knut Arne f 1950.
2. Torhild f 1954.
3. Reidar f 1959.
4. Odd Øystein f 1969.

Bergseng bnr. 19 (før Gofabrøtin)

Bergseng, i daglegtale Gofabrøtin, er ein gamal plass under Braka, venteleg identisk med plassen *Brøtin,* nemnd i 1811. Gofabrøtin har namn etter ein «Gofa-Kristafer», som må vera *Kristafer Andersson Leikebakke* f 1730 d 1813. Kristafer Andersson var g 2. 1777 m *Marit Gudbrandsdotter Hafton* f ca. 1748, som det var skifte etter på plassen Brøtin under Braka i 1811. Bruttoeiga var 124 rd. og nettoeiga 107 rd. Kristafer og Marit er nemnde på Stanfinnmarken i 1787, men var i 1801 husmannsfolk under Braka. Barn:

1. Kjersti f 1780 gm Sjugurd Timannson Storøydgardseige, sjå nedre Storøydgardseige.
2. Guri f 1787 gm Erik Høljeson Tronhuseige, sjå Juvebrenne under Velingsrud.

«Gofa-Kristafer» skulle ha vore oppalt på øykjemjølk, og var uvanleg sterk. Ein gong han køyrde tømmer nedover til Etna, møtte han skrivaren — eller presten, er det også fortalt — etter vegen i Skjersteinlien. Skrivaren ville fram. Då tok Kristafer og løfta både hesten og tømmervendinga av vegen. Skrivaren var så redd då han såg slike kjempekrefter, at han køyrde alt remmer og tøy kunne halde opp på Leirskogen. Det måtte vera sjølvaste «Gamle-Erik» han hadde møtt.

Arne Timannson nedre Storøydgardseige f 1780 d 1855 gm *Sønnev Toresdotter* f ca. 1783 d 1856 døydde båe i Gofabrøta. Dei er før nemnde på Storøydgardseige 1809, på søre Langøydgardseige 1811, på Brakaeige 1820 og på Storøydgardseige 1823 og -25. Barn:

1. Kari f 1809 gm Gudbrand Hallsteinson. Ved giftarmålet i 1840 var Gudbrand kalla Storsvee, men i 1838 Huken under Maslangrud. Gudbrand og Kari var husmannsfolk til Maslangrud. I 1838 fekk dei

dottera Ragnhild. Vinteren 1855—56, då sonen Hallstein gjekk for presten, budde dei i Gofabrøta. Hallstein, som kjøpte Granum i Etnedal, var far til Eline Halsteinsdotter Granum, sjå Brakajordet 44/8.
2. Ola f 1811 g 1. m Gunhild Gudbrandsdoter Langedragseige, g 2. m Siri Knutsdotter frå Øystre Slidre, sjå båe gonger søre Håvårdsonplassen under Skaro.
3. Dordi f 1820 g 1853 m Guttorm Knutson Bruflatseige. Dei fekk i 1853 sonen Kristian Anton.
4. Sønnev f 1823.
5. Tore f 1825.

Etter desse er det ikkje nemnt folk i Gofabrøta før plassen vart utskild frå Brakajorde i 1910 med namnet Bergseng bnr. 19, og seld i 1911 til *Arne Evenson Nybråten* gm *Inger Hansdotter Skaret,* sjå Nybrøtin 44/16. Dei bygde opp Bergseng, og flytta dit frå Nybrøta. Arne flytta seinare attende til Nybrøtin.

I 1919 selde Arne Bergseng og Nybrøtin til sonen Eivind. Han overtok Bergseng, og selde Nybrøtin attende til faren i 1938.

Eivind A. Nybråten f 1902 d 1971 g 1. m *Borghild Helle,* Øystre Slidre, d 1940. Barn:

1. Knut gm Inger Sortebekk, busette på Hønefoss, sjå Skogtun 44/33.
2. Ingrid gm Alfred Berntsen, Stavsjø, Hedemarken.
3. Sigrid gm Bjarne Hagen, Reinli.

Eivind Nybråten g 2. m *Betsy Kaspara Karlsen*, Oslo, g 3. m *Anne Søreng,* Kambabygde. Barn:

1. Magna f 1943 gm Trygve Gunderhuset, Hedalen, busette på Raufoss.
2. Gerd f 1946.
3. Einar gm Inger Kloppbakken, Etnedal.
4. Harald.
5. Arnfinn.
6. Svein.
7. Anne Lise.
8. Odd Arvid.
9. Wenche.

Bergseng, som no er fråflytta, har 50 da. innmark, av det ca. 30 da. dyrka jord. Husa er våningshus 1921 og ny låve 1970.

Høystad bnr. 20 og 22

Bruket Høystad vart bygt på den austre delen av innmarka til Brakajordet i 1915. Peter Andreas Andersen, som åtte bnr. 6 og Brakajordet bnr. 8 frå 1911, held att to areal før han selde eigedomen. Høystad bnr. 20 vart utskild frå bnr. 6 i 1915, og Høystad skog frå Brakajorde same år.

Peter Andreas Andersen Høistad frå Gudbrandsdalen, var sliperiarbeidar, d 1927 gm *Karen Mathea Olsdotter Sveingjerdet* frå Nordsinni, sjå Brattebakke 44/17, f 1882. Dei fôra to kyr. Barn:

1. Signe f 1904 gm Johan Elvesveen, Moelven, busette der.
2. Olav f 1906, til Oslo.
3. Kristine f 1908, til Oslo. Dottera *Grethe Karen* er gm Magnar Rundbråten, Hølera, busette i Oslo.
4. Peter f 1910.
5. *Anders* f 1912.
6. Lovise f 1914 gm Ragnar Davidsen, busette i Skedsmo.

7. Ragnar f 1916.
8. Karen f 1919 gm Ole Bakken, Fall.

Anders Høistad f 1912 d 1977, eigar frå 1937. Anders flytta i 1968 til Moelven, tok seg arbeid der og brukte Høystad til feriestad. Han testamenterte bruket til systerdottera *Grethe Karen.*

Brenne bnr. 21

Brenne, opphavleg ein utslått på myr og rålendt mark, vart utskild frå Brakajorde i 1915. *Anton Olson Jordet,* som åtte Brakajordet til 1911, skal ha flytta frå Jorde til Brenne.

Vinteren 1919—20 budde Eline Holt med dei tre sønene sine i Brenn, sjå Brakajordet 44/8.

I 1922 selde Peter Andreas Andersen, som hadde heimel, til *Andreas Evenson Rundbråten,* Rundbrøtin under Steinsetren, f 1875 g 1902 m *Karoline Amundsdotter* f Steinbakken, Ådalen, dotter til Guri Mikkelsdotter Sagstuen og Amund Ellingson. Andreas Rundbråten arbeidde opp nesten all jorda, ca. 25 da. Barn:

1. Margit f 1903 gm Egil Syverson Framnes f 1906. Dei var bureisarar på Markestad i Etnedal og har bygt bustadhus i Brenn.
2. *Edvin* f 1922 gm Irene Steen, Trondheim, f 1924. Dei flytta frå Brenn i slutten av 1960-åra, og bur i Enebakk.

Brenne har vore feriestad etter at Edvind og Irene flytta. Husa er våningshus og uthus.

Fjelleng bnr. 14

Fjelleng var ei myr som vart utskild i 1897 frå skogen Tjednhauglien bnr. 13, utskild frå Braka bnr. 1 i 1890. Kjøpar i 1897 var *Anton Helgeson Joplassen* gm *Karen Mathea Antonsdotter Gottenborg,* sjå Hagin 42/7. Anton Helgeson grøfta og dyrka opp ca. 50 da. av myra og bygde hus ved den nørdre enden.

I 1915 selde Anton Helgeson til *Anders Monsson Holt* f 1883 g 1909 m *Anna Thorvaldsdotter Lien,* nørdre Langedragslie 51/4, f 1888 d 1977. Anders bygde på eit rom på stugu. Barn:

1. Thora Mathilde f 1909 d 1943 gm Olav Brenden, Landåsbygda, budde der.
2. Inga Karoline f 1912 gm Martin M. Holt, sjå Brakajordet 44/8.
3. Martin Oddgeir f 1916 gm Tordis Komperud, busette på Jevnaker.
4. *Gunnar Torfinn* f 1919, neste brukar.
5. Thorleif f 1922 d 1948.
6. Kari f 1925 gm Martin Schlytter, Begnadalen.
7. Astrid f 1928 gm Ottar Granli, Øystre Slidre, sjå Solstad 44/34.
8. Anna f 1931 gm Svein Tingstad, Hol i Hallingdal, busette på Geilo.

Gunnar Holt f 1919, eigar frå 1955, gm *Eldbjørg Ulstad,* Trondheim, f 1940. Eldbjørg hadde frå tidlegare ekteskap barna Ann-Marie f 1962 og Jon Erik f 1965.

Husa er nytt våningshus 1973, låve og ei gamal stugu. Jordvegen er ikkje lenger i bruk.

Myrvang bnr. 23

I 1915 selde Anton Helgeson den søre delen av Fjelleng, ca. 25 da., til Martin Bråten. Denne parten var utskild i 1914 med namnet Myrvang.

Martin Arneson Bråten, Veståsen, Nordsinni, f 1884 d 1964 g 1913 m *Lina Thorvaldsdotter Lien,* nørdre Langedragslie 51/4, f 1890 d 1967. Martin kom som tenestegut til ein gard på Leirskoge. I fleire år var han ekstramann ved Valdresbanen ved Etna stasjon, og dreiv elles som jord- og skogsarbeidar. Til 1924 budde Martin og Lina på ulike stader, men sette seg då opp ei lita tømmerstugu på Myrvang og flytta hit. I 1935 bygde dei uthus, og hadde eit par kyr og 2—3 sauer. Barn:

1. Arne f 1915 d 1934.
2. *Ingebjørg* f 1917, neste brukar.

Ingebjørg Bråten f 1917 g 1944 m *Sigurd Magnussen,* Spydeberg, f 1915 d 1975. Dei overtok i 1950, og dreiv bruket med eit par kyr og småfe til 1970. Barn:

Laila f 1947 gm Arnfinn Haugen, Snertingdal, busette på Raufoss.

Myrvang ligg 1 km frå hovudvegen. I 1950 vart det bygt bilveg hit og til grannebruka Fjelleng og Brenne. Før fanst berre ein gangstig.

Øvre Braka bnr. 15

Øvre Braka vart utskild frå bnr. 1 i 1904, og seld i 1906 til *Sigurd M. Sørbøen.*

Olaus Håvelson Brager g 1912 m *Karoline Kristiansdotter Låksrud,* sjå Halle 44/9, bygde opp husa.

I 1917 selde Sigurd M. Sørbøen til bror til Olaus, *Ole Håvelson Brager,* som same år selde til sakførar *Hans A. Eid,* Søndre Land.

I 1935 selde Hans Eid til *Sigmund Framnes* gm *Borghild Bjørneskaret,* sjå Fagerstrand 37/41.

I 1946 selde Sigmund Framnes til *Mikael Langødegård.*

Øvre Braka har ca. 20 da. innmark, av det 5 da. dyrka jord, og ca. 200 da. skog. Då det var drift, hadde dei to kyr. Husa er våningshus og uthus. Jordvegen har vore bortleigd dei seinare åra.

Nybrøtin bnr. 16

Det er fortalt at *Kristine Olsdotter* frå nørdre Langedragslien budde åleine på denne staden før ho gifta seg opp att med Andreas Trondson Bakkatn. Kristine hadde to geiter i ein liten jordhole i ein bakke. Kristine kan i så fall ikkje ha vore her lenge. I 1891 var ho og den fyrste mannen hennar, Ola Narveson, i Brattebakke. Ola døydde i 1896, og alt same år gifta Kristine seg opp att.

Frå 1898 er Arne E. Rundbråten og kona Inger Hansdotter nemnde i Nybrøta, som i 1900 er kalla eit bortforpakta stykke. Arne kjøpte bruket i 1905 etter skylddeling året før. Dei flytta seinare til Gofabrøtin, med det nye namnet Bergseng, som Arne kjøpte i 1911 og bygde opp. Arne flytta til Nybrøtin att då sonen Eivind overtok Bergseng.

Arne Evenson Rundbråten, Rundbrøtin under Steinsetren, tok namnet Nybråten, f 1872 d 1943 g 1895 m *Inger Hansdotter Dølvesskaret* f 1874. Barn:

1. Anna f 1896 gm Anders Landmark, busette på Landmark.
2. Einar f 1898 d 1898.
3. Guri f 1899 gm Hans Kloppbakken.
4. Einar f 1900 d 1900.
5. *Eivind* f 1902, neste eigar, g 1. m Borghild Helle, Øystre Slidre, g 2. m Betsy Kaspara Karlsen, Oslo, g 3. m Anne Søreng, sjå alle gonger Bergseng 44/19.
6. Halfdan f 1904 gm Kari Andersdotter Nesse, Borgund, sjå Finnhert 39/24.
7. Aslaug f 1906 d 1907.
8. Åsmund f 1908 d 1909.
9. Asbjørn f 1909 d, kjøpte øvre Nybrøtin 44/24.
10. Olaug f 1912 d gm Ingvald Biribakken, Bagn.
11. *Håkon* f 1914, neste brukar.
12. Arne f 1917 gm Tora Håkerud, Toten, busette på Gjøvik.
13. Ivar f 1923, sjå Haugtun 44/40.

I 1919 selde Arne E. Nybråten Nybrøtin og Bergseng til sonen *Eivind,* som selde Nybrøtin attende til faren i 1938.

I 1944 fekk sonen *Håkon Nybråten* f 1914 skøyte, gm *Gina Søreng* f 1917, dotter til Guri Søreng og Olav Biribakken. Barn:

1. Alf f 1944 gm Wenche Auland, busette i Vikersund.
2. Ingegerd f 1951.
3. Gunnvor Marie f 1952.

Nybrøtin, som ligg 715 m o.h., har ca. 25 da. innmark, av det nesten alt dyrka jord. Håkon Nybråten har dyrka opp heile bruket, grave grøfter og drege bort ei mengd stein som han har mura gjerde av rundt ein stor del av eigedomen. Ved sida av har han drive som skogsarbeidar. Uthuset er frå 1938 og våningshuset frå 1963. Gina og Håkon har til vanleg hatt tre kyr med ungdyr. Den 600 m lange gardsvegen til bygdevegen vart opparbeidd til bilveg i byrjinga av 1960-åra.

Øvre Nybrøtin bnr. 24

Øvre Nybrøtin med ca. 4 mål innmark vart utskild frå bnr. 1 i 1938, og seld i 1939 til *Arne E. Nybråten.* Han selde i 1944 til sonen *Håkon Nybråten,* som samstundes kjøpte Nybrøtin.

Etter Håkon vart broren *Asbjørn Nybråten* f 1909 eigar. Ved skiftet etter Asjørn i 1973 overtok brorsonen *Einar E. Nybråten,* sjå Bergseng 44/19.

Øvre Nybrøtin har uthus og stugu, og er feriestad.

Haugtun bnr. 40

Bustadhus 1969 på tomt utskild frå øvre Nybrøta, kjøpt av *Ivar A. Nybråten* f 1923 ved skiftet etter broren Asbjørn Nybråten.

Leikebakke

Gamalt matrikkelnr. 184, gamal skyld 2 skinn.
***1838:* Nytt matrikkelnr. 42, ny skyld 1 dalar 2 ort 20 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 45, skyld 4 mark 20 øyre.**

Leikebakke ligg lunt innunder ein liten åsrygg i ein halvring mot aust, nord og vest, 650 m.o.h. Det gamle tunet låg oppe i bakkehellet. På flata mot sør, framfor garden, var det opphavleg ei myr der dei slo storr. I seinare tid er myra dyrka opp.

Gardsnamnet Leikebakke må koma av *fugleleik,* sidan det frå gamalt av har vore fugleleikar omkring i bakkane ovafor garden.

I aust grensar Leikebakke mot Skjerstein og i vest mot Braka. I 1731 var det grenseoppgang mellom Braka, Langøydgarden og Leikebakke.

Slik garden ligg og ut frå storleiken på skylda må nok Leikebakke ha vore rydda før 1350. Etter øydetida høyrer me fyrste gong om ny busetnad i 1660-åra. Då var Leikebakke rekna inn under Braka. Med ny drift vart garden skattemessig klassifisert i den lægste skatteklassa som rydningsplass.

I *1666* betalde Tøstein Braka 1/2 setting bygg i tiende av Leikebakke. Matrikkel *1723.* Leikebakke er seter under Granum, eller Langedrag. Det er skog til naudsynleg bruk, og skogen kan med tida vekse til sagtømmer. Ein husmann, venteleg leiglending i Leikebakke. Garden ligg høgt og frostlendt. Matrikkel *1761:* Pengar til skattar og avgifter kjem i fyrste rekkje frå jordbruket.

Under Leikebakke låg plassen Bøle, nemnd frå 1850-åra, som vart utskild til sjølveige i 1950.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	1	6	7

	Bondefolk	Tenestefolk	Husmannsfolk	Handverksfolk	Arbeidsfolk	Fattigfolk	Andre	
1782	3	1						4
1801	5						1	6
1865	7							7
1900	6	1						7

Husdyrhald, utsæd og avling 1723—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1723		3		4		
1761		9	18	1 1/20	4	5 lass
1782	1	5	12	1 1/2	8	24 lass
1866	1	6	10	3 korn	12	
				5 poteter	20	48 skpd.

Eigarar

Den fyrste kjende eigaren av Leikebakke er kongen. I skattelistene er statthaldar Gyldenløve ført som eigar frå 1680, medan Laurits Lauritsen er eigar frå 1685. I 1693 selde den førre futen i Eiker og Lier, Johan von Cappelen, fleire gardar, m.a. Leikebakke, til verbroren Gerhard Treschow, tollar i Kristiania. Gerhard Treschow selde i 1699 til Kristafer Arneson Langedrag.

Bruk og husmannsplassar

I 1664 er *Ellend Jeremiasson,* 30 år gamal, oppført som brukar. Det var rimelegvis den Ellend Jermiasson som seinare var i Skaro, sjå der.

I 1666 vitna *Guttorm Person,* 88 år gamal, i ei sak om odelsrett til Kollsgard. Guttorm budde på ein rydningsplass under Braka, og hadde tent hjå Ola Bjørnson på Kollsgard for 40 år sidan. Guttorm er oppført som brukar på Leikebakke i matrikkelen 1667.

Ola Olson f ca. 1641 d 1698 på Leikebakke, er ført som brukar etter Guttorm Person frå om lag 1670. Kona til Ola var truleg den Kari Vilhelmsdotter f ca. 1635 som døydde på Leikebakke som enkje i 1733. Barn som me kjenner:

1. *Ola* f ca. 1671, brukar seinare.
2. *Vilhelm* f ca. 1678, brukar etter broren.

I 1689 fekk *Jon Monsson* bygselsetel av Johan von Cappelen på halve Leikebakke som Ola Olson hadde avstått til han. Jon Monsson høyrer me ikkje meir om, og i 1692 fekk *Ola Olson* bygselsetel. Det kan ha vore Ola Olson Leikebakke d.y., f ca. 1671 d 1699 g 1694 m *Marit Ellendsdotter* f ca. 1675 d 1699. Barn:

1. Anne f 1695.
2. Ellend f 1696 d 1697.
3. Kari f 1697 d 1699.

Amund Tøsteinson Braka frå Braka 44/bruk II bygsla 1/2 skinn i Leikebakke av Gerhard Treschow i 1695. Amund og den fyrste kona hans, Johanne Olsdotter, er nemnde på Leikebakke i 1697, men frå 1700 på Braka, sjå Braka bruk II.

Garden Leikebakke har namn etter gamle fugleleikar i bakkane ovafor tunet.

Vilhelm Olson f ca. 1678 d 1755 gm *Ingebjørg Jonsdotter* d 1739 er nemnde på Leikebakke 1707—22. I 1723 er Leikebakke kalla eit seterbol til Granum (Langedrag), og Vilhelm og Ingebjørg finn me seinare att som husmannsfolk i Vilhelmsbrøta under Storøydgarde. Barn:

1. Kjersti f 1707 gm Aksel Andersson Setre, sjå Braka 44/bruk I.
2. Ola f 1710 d 1711.
3. Kari f 1713 g 1. m Gunnar Jørgenson Jukam, g 2. m Gudbrand Tøsteinson Jukam, sjå båe gonger Jukamseige.
4. Ola f 1716 gm Gunhild Ellendsdotter, sjå Langbrøtin under Tronhus.
5. Ivar f 1719 d 1741.
6. Barbro f 1722 gm Endre Ivarson søre Brattrud.

Etter Kristafer Arneson Langedrag, som kjøpte Langedrag og Leikebakke i 1699, vart sønene *Knut* og *Anders Kristafersøner* eigarar. I 1727 selde Knut delen sin eller 1 skinn for 100 rd. til broren Anders, som vart ny brukar.

Anders Kristaferson Langedrag f 1703 d 1748 g 1728 m *Guri Olsdotter nedre Storøydgarden* f 1702 d 1781 som enkje. Ved skiftet etter Anders i 1748 var bruttoeiga 186 rd. og nettoeiga 80 rd. Barn:

1. *Kristafer* f 1730 — rimelegvis «Gofa-Kristafer» — neste brukar.
2. Ola f 1732 d liten.
3. *Ola* f 1734 gm *Anne Haraldsdotter Maslangrud* kom til Leikebakke etter Kristafer.
4. Arne f 1737 d 1738.
5. Gudbjørg f 1741.

Guri Olsdotter g 2. 1752 m *Ola Larsson nedre Skjaker* frå Land.

Kristafer Andersson Leikebakke f 1730 g 1. 1756 m *Guri Knutsdotter* d 1773 på Leikebakke. Kristafer fekk i 1755 dottera Ingebjørg med Marit Olsdotter. Barn til Kristafer og Guri:

1. Anders f 1756 gm Tora Arnesdotter Kyrkjebjørgo, sjå Skarasetereige.
2. Guri f 1758 gm Erik Gunnarson Sørflate, sjå Køll 48/30.
3. Knut f 1760 gm Beret Embreksdotter Rustøe, sjå Haftonseige.
4. Ola f 1762.
5. Anders f 1764 d 1773.
6. Arne f ca. 1767 d 1773.

Kristafer Andersson g 2. 1777 m *Marit Gudbrandsdotter Hafton,* sjå Bergseng 44/19.

Ola Andersson Leikebakke f 1734 d 1775, bror til Kristafer Andersson, g 1760 m *Anne Haraldsdotter Maslangrud* f ca. 1737 d 1811, var på Maslangrudeige i 1770, men Ola var kalla Leikebakke ved gravferda i 1775. Anne Haraldsdotter g 2. 1776 m *Hølje Kristaferson Ølmhus,* Ølmhuseige, f 1748 d 1805. Dei heldt fram som brukarar på Leikebakke.

I 1797 selde Hølje Kristaferson garden med engelandet Vinjarøye i Etnedal for 450 rd. til stesonen Arne Olson, son til Anne Haraldsdotter og Ola Andersson.

Livauret til Hølje og Anne skulle vera røkt og stell av 2 kyr og 4 sauer, 7 tønner stritt korn, 1 tønne brødkorn, 1/2 slaktenaut, 3 år gamalt, 1/4 tønne rug, 10 settingar malt, 3 settingar salt, noko åkerland til poteter, rett til å lauve 200 kjerv og til å rydde eit åkerstykke. Åkeren skulle gjødslast med gjødsla frå dyra som vart fødde av fôret frå Vinjarøyen, som livaursfolka skulle ha i levetida si. Fôret skulle dei hauste sjølve, men låne hest av brukaren til å køyre det heim med. Arne Olson skulle hjelpe til med å byggje ei ny stugu til livaursfolka, og dei fekk også den nyaste bua med loft over til å ha eignelutene sine i.

Arne Olson Leikebakke f 1770 g 1797 m *Gudbjørg Olsdotter nørdre Fønnhus* f 1768. I 1812 er Arne nemnd på Brusvea i Nordsinni. Barn som me kjenner:

1. Ola f 1798 d 1798.
2. Ola f 1800.
3. Harald f 1804 gm Kari Andersdotter Skjerstein, sjå øvre Skjerstein 46/1.
4. Anne f 1807.

I 1809 selde Arne Olson for 1700 rd. til *Tord Arneson Steinsrud* gm *Taran Gudbrandsdotter,* sjå Langbråtån under Sørum. Tord Arneson selde engelandet Vinjarøye til Ola Arneson Bagn i 1814, skyldsett same år for 1/20 skinn.

I 1818 makeskifta Tord Arneson garden med Hallstein Embrekson Stanfinnmarke mot Stanfinnmarke.

Hallstein Embrekson Leikebakke, søre Øyhus 50/15, f 1786 d 1823 g 1820 m *Guri Olsdotter Rust,* Etnedal, f ca. 1794. Ved skiftet etter Hallstein i 1823 var bruttoeiga 701 spd. og nettoeiga 211 spd. Leikebakke vart taksert for 600 spd. og utlagd til eldste dottera Siri. Barn:

1. Siri f 1821 gm Sjugurd Arneson Kamben, sjå Tåmåsbråtin 52/3.
2. Ingebjørg f 1823 gm Anders Andersson Kølbu, sjå Kølbu 46/4.

Guri Olsdotter g 2. 1830 m *Hallstein Hallsteinson Storsvee* f 1799. Hallstein fekk auksjonsskøyte for 510 spd. i 1835. Barn:

1. Hallstein f 1830 d 1842.
2. Ola f 1832.
3. Gudbrand f 1835.
4. Nils f 1838.
5. Hallstein f 1842.

I 1849 selde Hallstein Hallsteinson for 400 spd. til *Ola Mikjelson Mikjelsøydgarden* og *Embrek Håvårdson Langøydgarden.* Dei selde i 1851 for same sum til *Ola Olson Mikjelsøydgarden d.e.*

I 1853 makeskifta Ola Olson Mikjelsøydgarden Leikebakke mot nedre Storøydgarden bruk I med Ola Hallsteinson Storøydgarden, ein yngre bror til Hallstein Hallsteinson Storsvee.

Ola Hallsteinson Storøydgarden, Storsvee 54/11, f 1810 g 1844 m *Kari Kristafersdotter Eid* f 1813. Dei flytta til Lo i Nord-Aurdal. Ola Hallsteinson åtte nedre Storøydgarden bruk I 1847—53. Barn som me kjenner:

1. Ragnhild f 1844.
2. Tore f 1847.
3. Halstein f 1851.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 15 mål høglendt åker og dyrka eng, 60 mål magert slåtteland, frå Gravsetren og Sveen kom 13 skippund høy, hamninga var god, 7 tylfter grantømmer kunne hoggast, og dei lauva 600 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 9 naut, 16 sauer, 17 geiter, 1 gris, og sådde 3 tønner bygg og 4 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med bordtak. 2. Eit fjøs med bordtak. 3. Ein låve- og stallbygning med bordtak.

I 1875 skilde Ola Hallsteinson frå storparten av skogen, 2500 da., som bnr. 1, og selde denne i 1889 til Knut Haugan. Garden med 400 da. produktiv skog — bnr. 2 — selde Ola i 1876 til Arne Gudbrandson Hesjadalen. Son til Arne, Gabriel, kunne få kjøpt att skogen for 600 dalar, med torde ikkje gje seg i kast med så mange pengar.

Arne Gudbrandson Hesjadalen f 1831 d 1904 g 1861 m *Inger (Inge) Embreksdotter Haftonsbrøtin* f 1828 d 1896. Dei hadde før budd på Stanfinnmarken. Barn:

1. *Gabriel* f 1862, neste brukar.
2. Engebret f 1863, til Hedemarken, gm Elise.
3. Kristoffer f 1865 gm Anne Syversdotter Nerødegård, åtte nørdre Nerøydgarden 1904—1911, seinare til Gjøvik.
4. Guri f 1868 d 1899.
5. Arne f 1870 d 1901.

I 1891 selde Arne Gudbrandson til sonen *Gabriel Arneson Leikebakke* f 1862 d 1958 g 1900 m *Guri Olsdotter Mikkelsgård* f 1865 d 1949. Barn:

1. Ingrid f 1901.
2. *Arne* f 1904, neste brukar.
3. Sigrid f 1909 gm Ole Tomtene, sjå nedre Tømtitn 42/8.

Leikebakke har 65 innmark, av det er 45 da. dyrka på myra framfor garden. Namnet *Svaieikratn* skal koma av at det er *svaint* — terrenget hallar.

Frå dåpsdagen i 1909 til Sigrid Leikebakke. Guri Olsdotter Leikebakke f Mikkelsgård 1865 med dåpsbarnet på fanget, til høgre mannen Gabriel Arneson Leikebakke f 1862 med sonen Arne på fanget. Bak dottera Ingrid.

Andre gamle namn på jordstykke er *Myre, Storåker'n,* og øvst på eigedomen heiter det *oppå Tømto.* Her låg det gamle tunet. Ein liten haug ovafor jordet heiter *Spelbakkin,* som vel må koma av den førnemnde fugleleiken.

Våningshuset er bygt i 1850-åra, låven er nyare og stabburet svært gamalt.

Leikebakke åtte Gravsetre til 1950, då setra vart utskild til Sigrid, syster til Arne Leikebakke.

I gamal tid hadde garden kvern i bekken ved vestre grense av eigedomen. I nyare tid var det kvern og oppgangssag i bekken Mebenda nedafor Bøle saman med Skjersteinsgardane. På sagtomta ovafor Finnemyr aust for garden stod ei dampdriven sag som var i bruk nokre år etter krigen.

Arne Leikebakke dreiv med krøter til 1962, og seinare har jordvegen vore brukt av nedre Tømtitn.

Leikebakkebøle bnr. 4

Dei fyrste kjende husmannsfolka på Bøle aust for Leikebakke budde her frå dei gifta seg i 1854.

Mikjel Arneson Leikebakke, Skjersteinseige, f 1827 d 1863 g 1854 m *Kari Embreksdotter Haftonseige,* Haftonsbrøtin, f 1822 d 1877 som husmannsenkje på Bøle. Kari hadde før vore gm Ola Olson Rødningen under Tømto. Barn til Mikjel og Kari:

1. Ole Andreas f 1855.
2. Gunhild f 1859.
3. Engebret f 1861, til Amerika 1880.
4. Karine f 1863, til Amerika 1881.

I 1865 var foreldra til Kari, *Embrek Larsson* og *Gro Sveinsdotter,* husmannsfolk, og budde på Bøle saman med døtrene Kari og Siri og barna deira.

Buskapen i 1865 var 4 kyr, 6 sauer og 2 geiter, og dei sådde 1 tønne bygg og 2 tønner poteter.

I 1881 fekk *Ola Erikson* og kona hans husmannskontrakt, men både i 1891 og i 1900 stod plassen folketom.

Fleire familiar budde deretter kortare tid på Bøle før *Kristian Olson Dahlen* f 1890 d 1972 gm *Ragnhild Tollefsdotter Granum,* Etnedal, f 1898 d

1978, flytta hit hausten 1922. Då hadde plassen stått tom ei tid. Kristian og Ragnhild var husmannsfolk til dei kjøpte bruket i 1950. Barn:

1. Ole f 1919 gm Aslaug Lund, Nord-Aurdal, busette på Dokka.
2. Aslaug f 1920 gm Jon Hernes, Solør, busette i Oslo.
3. Borghild f 1922 gm Eivind Hestekind.
4. Torbjørg f 1924 gm Ole Skjærstein, busette i Nordre Land.
5. Anders f 1927 gm Edel Grinden, Solør, busette i Alvdal.
6. *Trygve* f 1930, skogsarbeidar, eigar no.
7. Oddvar f 1933 gm Hilda Viken, Begnadalen.
8. Sverre f 1937 gm Vigdis Ringstad, Nannestad.
9. Reidun f 1940 gm Isak Raiala, Alta.

Leikebakkebøle har 10 da. innmark, av det 2—3 da. dyrka jord, og 50 da. skog. Det var drift med dyr til 1960-åra. Våningshuset frå 1870 vart restaurert i 1965. Låven er eldre enn våningshuset.

Leikebakke, ukjend bustad

I 1738 døydde *Jens Bårdson,* 57 år gamal, på Leikebakke. Jens må iallfall ha hatt sonen Bård Jensson f ca. 1708, som gifta seg med Ingebjørg Pålsdotter, sjå Dølveseige.

Skjerstein (Skjærstein)

Skjerstein var til 1838 matrikulert under Tøndrum og Loeng i Land, gamal skyld 2 skinn.
***1838:* Nytt matrikkelnr. 43, ny skyld 3 dalar 15 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 46, skyld 13 mark 88 øyre.**

Skjerstein ligg øvst i lia ned mot Etna, om lag 550 m o.h. Øvre Skjerstein, som skal vera den eldste av dei to Skjersteingardane, ligg oppe på ei rundaktig høgd, og nedre Skjerstein noko lægre i hallet mot søraust. Namnet kjem etter Norske Gaardnavne rimelegvis av *sker* n., som ein meiner også kunne bli brukt om låge, isolerte fjellhøgder. For Skjerstein passar ein slik namneforklaring bra.

Skjerstein høyrer rimelegvis til mellomaldergardane på Leirskoge, og låg lenge øyde i nedgangstida. Tøndrum i Land tok Skjerstein i bruk som seter, og det førte til at Skjerstein var matrikulert under Tøndrum til 1838. I matrikkelen 1723 heiter det såleis at Skjerstein før har vore seter til Tøndrum, men sidan rydda og oppbygd som eigen gard.

Tiende *1666:* 1/4 tønne bygg. I *1723* var det skog til husbehov, sagtømmerskogen var nesten uthoggen, men kunne vekse med tida. Garden hadde flaumkvern, ein husmann og låg i baklia. Matrikkel *1782:* For skyld og skatt ført under Tøndrum og Loeng i Land.

Frå gamalt var Skjerstein ein gard. Etter to sal, i 1767 og -69, var det ei tid to bruk, bruk I og II, kvart med ei skyld på 1 skinn. Frå 1795 var dei to delane samla att.

Ved auksjon i 1806 kjøpte kammerherre Peder Anker garden. Han delte i 1812 frå jordvegen, som fekk ei skyld av 1/2 skinn, og beheldt skogen. Skjersteinskogen hadde deretter mange utanbygds eigarar til brukarane på øvre og nedre Skjerstein i fellesskap kjøpte han att i 1979. Skogen er i alt på 4917 da., av det 4154 da. produktivt areal.

Sjølve garden med jordvegen vart i 1827 delt i øvre Skjerstein bnr. 1 og nedre Skjerstein bnr. 5. I 1847 vart Kølbu bnr. 4 utskild frå øvre og nedre Skjerstein, med halvdelen frå kvar. Nedre Kølbu bnr. 10 vart utskild frå Kølbu i 1912.

Delet mellom øvre og nedre Skjerstein gjekk før i vest nedafor stuguveggen til øvre Skjerstein. Ved eit makeskifte i 1948 vart delet flytta lengre ned, mot at nedre Skjerstein fekk att 5 da. opparbeidd jord i jordet nedafor nedre Skjerstein.

Ved delinga fekk øvre og nedre Skjerstein halvdelen av jordstykket *Nysvebakkin,* som vart brukt til korndyrking. I skogen ovafor Mebendun hadde gardane kvart sitt slåtteland, kalla *Brøtin.* Av haustsetra Haugrud hadde dei kvar sin del med låve, fjøs og bu.

Setrar 1935, med avstand heimanfrå: Skjerstein bnr. 1 og 5: Haugrud, 2,5 km. Kølbu bnr. 4: Lier, 2 km.

Under Skjerstein låg plassen Kølbu, rydda i det fyrste tiåret etter 1800 og utskild til sjølveige i 1847.

Skjerstein og Leikebakke hadde sag saman i Mebendun.

Folketal 1782—1900

	Bonde-folk	Teneste-folk	Husmanns-folk	Handverks-folk	Arbeids-folk	Fattig-folk	Andre	Sum
1782	7							7
1801	6	1						7
1865	13	2						15
1900	19	1					1	21

Husdyrhald, utsæd og avling 1723—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1723	2	14	8	2 1/20		
1782	2	10	24	3	16	40 lass
1866	2	16	36	7 1/2	35	
				korn		
				10	50	125 skpd.
				poteter		

Eigarar

Etter øydetida var Skjerstein krongods. Ei tid deretter høyrde garden til lagmann Nils Jakobsen Smidt, som i 1695 selde til Tåmås Bjørnson.

Bruk, husmannsplassar og bustadhus

I 1666 og -67 heitte brukaren *Knut*. I 1695 vart Jakob Kristenson Skjerstein gravlagd, 29 år gamal.

Tåmås Bjørnson f ca. 1654 d 1709, som kjøpte Skjerstein i 1695, var mogleg frå Stugarden, og var bror til Mikjel Bjørnson Braka, Ola Bjørnson Fekjar og Knut Bjørnson Stugarden. Tåmås gifta seg i 1696 i Bruflat m *Margrete Larsdotter* f ca. 1639 d 1721. Båe døydde på Skjerstein. Margrete hadde før vore gm *Gudbrand Knutson,* som det hadde vore skifte etter i 1686. Med han hadde Margrete iallfall sonen Erik, som vart brukar på Skjerstein. Formyndar for Erik etter at faren døydde, var Ola Jørgenson Tøndrum i Land.

Ved skiftet etter Tåmås Bjørnson i 1709 var bruttoeiga 104 rd. og nettoeiga 40 rd. Ved skiftet er det opplyst at Skjerstein skylde 1 skinn. Derunder låg austre Loeng, som elles var kalla Haugrud, og skylde 1 skinn.

I 1707 overdrog Tåmås og Margrete halve garden, 1/2 skinn i Skjerstein og 1/2 skinn i Haugrud, til steson til Tåmås, Erik Gudbrandson, og kona hans, Gjartrud Alvsdotter, mot at Erik

skulle syte for dei på beste måte i alderdomen. Seinare overtok Erik resten.

Erik Gudbrandson f ca. 1681 d 1734 gm *Gjartrud Alvsdotter.* I 1715 fekk Erik tvillingane Ola og Siri med Siri Andersdotter, som heldt til på Skjerstein. Barn som me kjenner:

1. *Gudbrand* f 1707, neste brukar.
2. Tåmås f 1710 d 1734.
3. Alv f 1714.
4. Gunhild f 1718 d 1736.
5. Trond f 1722 d 1723.

Gudbrand Erikson Skjerstein f 1707 d 1777 g 1. 1733 m *Marte Andersdotter Lunde.* Barn:

1. *Erik* f 1734, brukar seinare.
2. Anders f 1735.
3. Tåmås f 1737.

Gudbrand Erikson g 2. 1746 m *Barbro Hallvorsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk III, f 1702, som då var enkje.

I 1739 overdrog Gudbrand Erikson setra til Skjerstein til Erik Tronhus for 11 år mot årleg avgift. Same år selde han Skjerstein med Haugrud og slåttelandet Øye eller Enderud, i alt 3 skinn, for 430 rd. til Hans Kristaferson Vasslia frå Land. Hans Kristaferson kjøpte i 1743 nedre Bagn bruk I, sjå der.

I juni 1742 fekk Hans Kristaferson garden synfart og taksert. Gudbrand Erikson budde då på Hjelle i Aurdal. Husa på Skjerstein var: 1. Daglegstugu var i svært dårleg tilstand, og hadde kove og seks enkle vindaugo. 2. Eldhuset var gamalt og forfalle. 3. Ei bu med loft over var så dårleg at ho ikkje kunne brukast til anna enn ved. 4. Ei kjellarbu like ved loftet var heller ikkje tenleg til anna enn ved. 5. Eit gamalt stabbur med seks omkvarv. 6. Ein gamal stall utan innreiing og tak. 7. Ein kornlåve med to golv. 8.—13. Fjøset, småkrøterfjøset, smiu, badstugu, eit grisehus og ein låve ved kornlåven var alle så rotne at dei ikkje lenger var brukande. 14. Kvernhuset var heller ikkje brukeleg. På husmannsplassen Brøtin og engelandet Haugrud var alle husa udugelege og dei fleste nedfalne. Skjerstein hadde inga anna seter enn ei som var kalla Jemtsland. Her var seterhuset rote. På slåttelandet Enderud var høylyu gamal og medteken.

Det var også opplyst at Gudbrand Erikson for om lag fire år sidan hadde late hogge alt sagtømmeret som fanst i skogen til Skjerstein. Opphavleg hadde Gudbrand inngått kontrakt med Knut Lunde om at Knut på eigen kostnad skulle hogge og drive ut sagtømmeret frå Skjersteinskoge, mot å betala Gudbrand 200 rd. Men deretter oppheva Gudbrand kontrakten.

Kort etter 1742 må *Gudbrand Erikson* ha kjøpt att garden, for i 1745 selde han engelandet Enderud i Etnedal av skyld 1 skinn til Anders Bagn og Anne Olsdotter Lunde.

I 1753 kjøpte Gudbrand Skjerstein garden Lunde i Etnedal av Knut Madsson Solbjør, og i 1754 selde Gudbrand Skjerstein for 640 rd. til *Sjugurd Erikson Hogne* frå Land. Son til Gudbrand, Erik Gudbrandson, godtok ikkje salet, og Sjugurd let då Erik tre inn som kjøpar i staden for seg.

Erik Gudbrandson Skjerstein f 1734 gm *Dordi Hansdotter.* Barn på Skjerstein:

1. Marit f 1764.
2. Gudbrand f 1765.
3. Gudbrand f 1766.
4. Marit f 1770.

I 1761 selde Erik garden for 700 rd. til *Elling Haraldson Torsrud,* son til

stemora til Erik, Barbro Hallvorsdotter, frå fyrste ekteskap. Elling Haraldson selde same år for same sum til verbroren *Kjell Kristaferson Åbjør,* gift med syster til Elling.

I juni 1765 fekk Gudbrand Erikson auksjonsskøyte på Skjerstein for 652 rd., men alt i februar hadde Gudbrand makeskifta Skjerstein med Embrek Kristenson Rud. Gudbrand overdrog då Skjerstein til Embrek Kristenson mot garden Rud i Aurdal hovudsokn. I april 1765 selde Gudbrand Rud til stesonen og klokkaren Elling Haraldson.

Embrek Kristenson Rud f ca. 1736 d 1772 g som enkjemann 1762 m *Gunhild Ellendsdotter Skaratn* f 1743 d 1784. Barn:

1. Dorte f 1765.
2. Ellend f 1769.
3. Barbro f 1771 gm Sjugurd Embrekson Åbjør.

I 1766 selde Embrek Kristenson 2/3 skinn for 340 rd. til Sjugurd Håvårdson Skaratn, og i 1769 1/3 skinn til Sjugurd for 163 rd. Sjugurd Skaratn åtte då halve garden, bruk II, medan delen til Embrek vart bruk I.

Skjerstein bruk I

Til vintertinget 1773 var Gunhild Ellendsdotter stemna av Ola Jensson Braka for ei ku ho hadde hatt til leige frå han. Kua var drept av bjørn, og Ola ville difor ha erstatning.

Gunhild Ellendsdotter g 2. 1774 m *Anders Person Fekjar.* Ved skiftet etter Gunhild i 1784 var bruttoeiga 514 rd., men gjelda 553 rd. Barn:

1. Kjersti f 1775.
2. Per f 1778.
3. Ingrid f 1781.

Anders Person g 2. 1784 m *Siri Olsdotter Steinsetre,* Kyrkjebjørgo, f 1749. Dei fekk i 1785 dottera Marit på Øymoe.

I oktober 1784 selde Anders Person bruk I til Sjugurd Håvårdson Skaratn for 446 rd., og skulle ryddiggjera garden til neste faredag. Ved skiftet etter Gunhild Ellendsdotter i april 1784 vart det avtala at Sjugurd skulle få skøyte, men til hausttinget stemna Sjugurd Anders Person for å få avtala gjennomført.

I 1787 selde Sjugurd Håvårdson Skaratn til sonen *Arne Sjugurdson* for 308 rd. Sjugurd og kona skulle ha røkt og stell av 1 ku og 2 småkrøter som livaure. I 1795 makeskifta Arne til seg den andre halvdelen, bruk II, frå broren Håvård, og vart eigar av heile Skjerstein.

Skjerstein bruk II

I 1770 selde Sjugurd Håvårdson Skaratn til *Ola Sjugurdson* for 543 rd. I 1780 kjøpte *Håvård Sjugurdson* garden for 300 rd., rimelegvis av Ola Sjugurdson. Håvård Sjugurdson var gm *Ingrid Embreksdotter Maslangrud,* sjå Haugen 40/2.

I 1795 makeskifta Håvård bruk II mot 2 skinn i nedre Storøydgarde med broren *Arne Sjugurdson Skjerstein,* som også var eigar av bruk I sidan 1787. Dei to delane av Skjerstein kom då saman att.

Skjerstein samla

Arne Sjugurdson Skaratn f 1765 d 1838 g 1787 m *Ingebjørg Mikjelsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk IV, f 1763 mogleg d 1841. Arne Sjugurdson kjøpte Braka bruk IIa i 1811. Barn:

1. Dordi f 1788 d 1794.
2. Marit f 1791, fekk i 1815 dottera Marit gm Per Knutson Grandalen (Åbjørsbrøtin) med Gul Knutson Tollevsrudeige.
3. Ingrid f 1793 g 1. m Arne Embrekson Leikebakke, g 2. m Knut Tølleivson Lundeeige, sjå båe gonger Heggerud under Mikjelsøydgarde.
4. Dordi f 1796 gm Mikjel Olson Ellendshaugen, sjå Spangrud under Ellendshauge.
5. Ingebjørg f 1799 d 1803.
6. Beret f 1801 d 1801.
7. Sjugurd f 1803 gm Ingrid Håvårdsdotter Storøydgardseige, sjå Bergei under nørdre Langøydgarde.
8. Mikjel f 1805 gm Ingebjørg Olsdotter Skarasetereige, sjå Leiteplassen 47/7.
9. Gunhild f 1809 d 1809.

I desember 1806 vart Skjerstein seld på auksjon etter krav frå kjøpmann Caspar von Cappelen på Bragernes på grunnlag av ein panteobligasjon frå Arne Sjugurdson. Kammerherre *Peder Anker* fekk tilslaget. Skøytet vart skrive i februar 1807, og kjøpesummen var 4130 rd. I skøytet heiter det at forpaktningskontrakten mellom Arne Sjugurdson og Per Ellingson Rud frå Hallingdal frå 14. april 1805 til same dato 1808, der Per Ellingson var gjeve rett til tømmerhogst i ein del av skogen, skulle stå ved lag.

I april 1812 selde kammerherre Anker garden med jordvegen, men heldt unna tømmerskogen, til *Ola Andersson Lunde* for 1300 rd. Den fråselde delen vart i mai skyldsett for 1/2 skinn.

Frå mai til september 1812 var det odelssak om Skjerstein, av di Arne Sjugurdson på vegner av sonen Sjugurd Arneson hadde stemna Peder Anker til å gje frå seg odelsgodset. Domen i september fastslo at Sjugurd hadde odelsrett, og Peder Anker vart dømd til å ryddiggjera garden til fyrste faredagen neste år. Løysingssummen skulle vera gjengs pris. Sjugurd Arneson kom likevel ikkje til å nytte odelsretten.

Ved makeskifte i 1819 fekk *Anders Julson Solbjør* f ca. 1780 d 1848 skøyte for 500 spd. på Skjerstein med jordvegen frå Ola Andersson Lunde, gm *Anne Isaksdotter Søreim* f ca. 1778. Barn som me kjenner:

1. Jul f 1804 gm Beret Andersdotter Kringle, sjå øvre Skjerstein 46/1.
2. Astrid f 1806 gm Gudbrand Gudbrandson Tomleeige.
3. Isak f 1810 gm Barbro Olsdotter Langedrag, sjå nedre Skjerstein 46/5.
4. Anders f ca. 1815 gm Ingebjørg Hallsteinsdotter Leikebakke, sjå Kølbu 46/4.
5. Ingrid f ca. 1817 gm Ola Olson Stutlie.
6. Kari f 1820 gm Harald Arneson Leikebakke, sjå øvre Skjerstein 46/1.

Øvre Skjerstein (Skjærstein) bnr. 1

I 1827 selde Anders Julson halve garden, øvre Skjerstein, for 200 spd. til eldste sonen *Jul Andersson* f 1804 g

1834 m *Beret Andersdotter Kringle* f ca. 1801. Barn som me kjenner:

1. Anne f 1835.
2. Ingrid f 1837.
3. Inger f 1838, til Amerika 1866.

Jul Andersson selde i 1839, etter alt å døme fordi ein panteobligasjon var mishalden, for 400 spd. til *Knut Olson Maslangrud,* som i 1841 selde for same sum til Harald Arneson Leikebakke.

Harald Arneson Leikebakke f 1804 g 1843 m *Kari Andersdotter Skjerstein* f 1820. Dei reiste til Amerika med barna i 1866. Barn:

1. Hans Andreas f 1843 d 1843.
2. Hans Andreas f 1847.
3. Gustav Anton f 1849.
4. Olette f 1852.
5. Anne Karine f 1854.
6. Gunhild Marie f 1861.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 10 mål noko høglendt åker og dyrka eng, 60 mål ganske magert slåtteland, frå Gravsetren og Haugrud kom 12 skippund høy, hamninga var god, dei lauva 1000 kjerv, og garden var noko tungbrukt. I 1865 hadde dei 1 ku, og sådde 1 tønne bygg, 1 tønne blandkorn og 3 tønner poteter.

I 1866 selde Harald Arneson for 400 spd. til *Tåmås Reiarson* i Skarasetren, som i 1876 selde for 150 spd. og livaure til seg og kona til sonen *Ola Tåmåsson Skarasetre* f 1847 g 1871 m *Ingeborg Andrine Nilsdotter Øybakken,* Nordre Land, f 1844. Ola Tåmåsson gjekk konkurs, og handsaminga av buet tok til i 1885. Familien flytta til Loeng i Nordre Land. Barn på Skjerstein:

1. Thomas f 1872.
2. Nils f 1873.
3. Anne Marie f 1875.
4. Else Maria f 1877.
5. Reier f 1882.
6. Helga f 1883.i0
7. Olaf f 1885.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med bordtak. 2. Ein låve med bordtak. 3. Eit fjøs med bordtak. 4. Eit stabbur med bordtak. 5. Eit vedskjul med bordtak. 6. Eit bryggerhus med bordtak.

I 1887 kjøpte *Ole Olson Tåmåsbrøtin,* seinare Skjærstein, garden, og fekk auksjonsskøyte i 1905. Ole Tåmåsbrøtin var f 1860 d 1948 g 1884 m *Anne Mathea Håvelsdotter Braka,* Braka 44/1, f 1853 d 1948. Barn:

1. Anna f 1884 gm Mathias Elvesveen, Moelv.
2. Olaf f 1885 gm Marit Månum, Leira. Olaf skulle eigentleg hatt garden, men byrja å arbeide på Valdresbanen i staden. Han var banevaktar i mange år før han i 1939 vart baneformann.
3. Marit f 1888 gm Anton Skyggen, Etnedal.
4. *Hans* f 1890, neste brukar.
5. Maren f 1893 d 1917 g 1917 m Anders Olson Dalen, Leirskogen, f 1885 d 1918. Dei fekk i 1917 dottera Berit.
6. Anne Marie f 1895 gm Martin Lien, Fjellsbygde, Etnedal.
7. Ingebjørg f 1898 gm Gunnar Engen, Sørskogen.

I 1895 brann våningshuset av di nokre smågutar hadde leika med ei børse. Nytt våningshus vart oppsett på same

tomta, men Ole Olson vanta pengar til å setja ho heilt i stand. I tre år vart då bygningen bortleigd til anleggsarbeidarar på Valdresbanen. Jarnbanen kosta istandsetjinga av huset, og utgiftene vart trekte frå leiga. Brukarfamilien budde i denne tida i det nyoppsette eldhuset.

Anne Mathea vov og selde vadmel for å få kontanter. Ho sydde også bukser — for 80 øyre buksa.

Hans Olson Skjærstein f 1890 fekk skøyte i 1936, g 1938 m *Margit Iversdotter Haugum,* Veståsen, Nordre Land, f 1918. Hans Skjærstein har brutt opp 20 da. Barn:

1. *Ola* f 1939, neste brukar.
2. Anna f 1943.

Ola H. Skjærstein f 1939, eigar frå 1979, gm *Magnhild Rønsmoen,* Etnedal, f 1941. Barn:

1. Ingrid f 1960.
2. Hans f 1962.
3. Oddvar f 1963.
4. Marit f 1968.

Øvre Skjerstein har 65 da. innmark, av det ca. 35 da. dyrka jord. Før den gamle Skjersteinskogen vart kjøpt attende i 1979 var det ca. 300 da. skog. Namn i innmarka er *Muråker'n, Gutubakkin, Nysvebakkatn* og *Eldhusåker'n.*

Det nye våningshuset er frå byrjinga av 1960-åra, det gamle frå 1896, låven er frå 1955 og fjøset frå 1953. Elles finst stabbur og skåle.

Haustsetra Haugrud er no tilvaksen med skog. Gravsetre vart utskild i 1883, og er fråseld.

Nedre Skjerstein (Skjærstein) bnr. 5

Anders Julson Skjerstein åtte denne parten etter å ha selt den andre halvdelen, øvre Skjerstein, til sonen Jul Andersson i 1827.

I 1835 fekk sonen *Isak Andersson* f ca. 1810 d 1903 auksjonsskøyte for 109 spd. Isak bygde opp husa på nedre Skjerstein. I Krokbendun hadde han kvern. — Isak Skjerstein var ein av dei gode, gamle bønder og den eldste på Leirskoge, 93 år gamal, i 1903, fortel Anders Lønnum i Valdres 17.10.1903. Isak var g 1840 m *Barbro Olsdotter Langedrag* f 1809 d 1898. Barn:

1. Anne Marie f 1841 d 1846.
2. Marit f 1843 d 1844.
3. *Marit* f 1846, neste brukar.
4. Anne Marie f 1849 fekk i 1866 dottera Berte Maria med Ole Kristianson Lundebøle. Anne Marie gm Ola Arneson Leitet, sjå Kølbu 46/4.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 14 mål noko høglendt åker og dyrka eng, 40 mål ganske magert slåtteland, frå Haugrud og Brøta kom 15 skippund høy, hamninga var god, dei lauva 1500 kjerv, og garden var noko tungbrukt. I 1865 hadde dei 1 hest, 10 naut, 6 sauer, 12 geiter, 1 gris, og sådde 1 tønne bygg, 1 tønne havre og 3 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Ein stugubygning med spontak. 2. Eit stabbur med spontak. 3. Ein låve med spontak. 4. Ein stall og bu med spontak. 5. Eit fjøs med spontak. 6. Eit grisehus med spontak. 7. Eit nytt, opptømra bryggerhus med bordtak. I taksten blir opplyst at hus nr. 3 er oppbrunne.

På jordet i slåttonna på nedre Skjerstein i 1946 eller -47. Frå venstre Arnold Skjærstein, Margit Bøhle, Ola (Ole Andreas) Skjærstein, som ligg, Erik Skjærstein, Marie Skjærstein, og son til Ola og Marie, Trygve Skjærstein, som er eigar no.

I 1902 selde Isak Andersson til versonen *Ola Erikson Lundene*, øvre Lundatn 50/10, f 1844 d 1933 g 1873 m *Marit Isaksdotter Skjærstein* f 1846 d 1919. Barn:

1. *Erik* f 1874, neste brukar.
2. Ole Andreas f 1877 gm Guri Eriksdotter Røang, sjå øvre Lundatn 50/10.
3. Isak f 1883 gm Marit Antonsdotter Langødegård, busette på Vassliåsen.
4. Berte Maria f 1886 gm Olaf Olson Brænd, Aurdal, foreldre til Margit Brænd gm Arne Mikkelsgård på Braka 44/1.

Erik Olson Skjærstein f 1874 d 1956 gm *Oline Opheim* f 1870 d 1947.

Dei selde i 1947 til brorson til Erik, *Ole Andreas Skjærstein* frå øvre Lundo, f 1913 gm *Marie Bøhle,* Nilsebøle 50/13, f 1922. Barn:

1. Arnold f 1941.
2. *Trygve* f 1944, neste eigar.
3. Kari Gunvor f 1951 gm Erling Sivesind, Bøverbru.

Trygve Skjærstein f 1944, eigar frå 1975, gm *Bergljot Christine Storihle,* Furnes, f 1947. Barn:

1. Bente Kristin f 1966 gm Terje Øybakken, Nordre Land.
2. Tom Erik f 1967.

Nedre Skjerstein har 100 da. innmark, av det 65 da. dyrka jord. Ca.

Ola (Ole Andreas) Skjærstein køyrer tømmer. Kona Marie og dottera Kari Gunvor saman med vesle Anne Gjerdingen, syskenbarn til Kari Gunvor, har teke seg ein liten tur til skogs.

20 da. er nydyrka. Nøytsleskogen, som vart utskifta i nyare tid, var på 360 da., i tillegg kom 100 da. attvakse, tidlegare slåtteland. Den gamle Skjersteinskogen vart kjøpt attende av øvre og nedre Skjerstein i 1979. Namn på jordstykke er *Myrenge, Låveåker'n, Breåker'n, Kålrothaugen, Trefotåker'n* — som skal vera dyrka av ein som hadde trefot, og *Nysvebakkin.*

På nedre Skjerstein har vore 22 ulike hus, dei fleste stod enno til siste krig. Med unnatak av bygningen, stabburet og låven, vart alle rivne etter 1947. Den gamle låven vart riven i 1965, året etter at det var oppsett nytt uthus.

Utanfor huset på nedre Skjerstein ca. 1947-48. I fyrste rekkje fra venstre: Arnold, Marie og Trygve Skjærstein, Sigrid Fodnes og Norgård Thon frå Oslo. I bakarste rekkje frå venstre: Ola (Ole Andreas) Skjærstein, Olaf Brænd og Erik Skjærstein, onkel til Ola som Ola overtok etter. Erik, Ola og Trygve er dei tre siste brukarane på nedre Skjerstein.

Slåttonn på nedre Skjerstein i 1939. Foran hesten står Erik Olson Skjærstein f 1874 med riva. På slåmaskina sit brorsøn til Erik, Ole A. Skjærstein f 1913, og i bakgrunnen Martin Lundene frå øvre Lundo.

Skoglund bnr. 7 og Granli bnr. 12

Skoglund vart utskild frå Skjerstein skog i 1906, og Granli frå Skoglund i 1924. I daglegtale nyttast helst berre namnet Granli. Eigarar av Skoglund var *Erik O. Skjærstein*, deretter *Henrik Madsstuen,* som i 1919 selde til *Ole M. Tomtene.* Arvingane etter Ole M. Tomtene selde i 1941 til baneformann *Edvard Hansen* f 1872, som hadde kjøpt Granli i 1924, og bygt bustad i 1920. I 1943 selde Edvard Hansen Skoglund til dottera *Astrid Nøkleby* f 1902.

Eigedomane vart i 1967 selde til *Egil* og *Margit Framnes.*

I 1977 selde dei til *Arvid Johnsen,* Østre Toten, f 1910 gm *Åsta Trondsdotter Milevasslien* f 1910. Dei har restaurert våningshuset og bygt nytt uthus. Barn:

1. Kåre f 1942 gm Anne Munkelien, sjå Kølbu 46/4.
2. Anne Lise f 1945.

Kølbu (Kolbu) bnr. 4

Namnet Kølbu har venteleg samanheng med kølbrenning. I oktober 1801 fekk *Anders Jakobson Lundeeige* og kona hans kontrakt av Arne Sjugurdson Skjerstein på å rydde og byggje opp ein husmannsplass i ein bråte kalla *Kølbubrøtin.* Ved folketeljinga i februar 1801 var Anders og kona, Beret Olsdotter, husmannsfolk på ein plass under Lunde i Etnedal. Dersom Anders

og Beret verkeleg flytta opp på Leirskogen for å byggje seg ein ny heim — Anders var i 1801 54 år og Beret 61 — kan dei iallfall ikkje ha vore her mange åra.

Til slåtteland skulle Anders og Beret ha *øvre Haugruddalen,* og som areal til rydningsland er nemnde *Homlesvee, Jamtland, Storsvee* og «Albrekroget». Anders skulle sjølv gjerde kring plassen. Leiga dei fyrste fire åra skulle vera 2 rd., deretter 4 rd. 1 ort ved å pløye 1 veke, arbeide 2 veker i slåttonna, skjera 3 mål åker og arbeide for resten når det var tenleg for brukaren på Skjerstein.

Ola Sjugurdson f ca. 1777, son til Sjugurd Olson Lie under Lunde i Etnedal, må ha budd ei tid på Kølbu saman med kona *Marit Hallvorsdotter.* Dottera Marit, f 1810 på Skjersteineige, reiste i 1834 til Løten. Ola døydde på Kølbu i 1811. Ved skiftet etter han same år var bruttoeiga 260 rd. og nettoeiga 184 rd. Rydnings- og bygningsarbeidet på Kølbu med oppdyrka jord og påståande hus og gjerde — «der er såre ringe og ubetydelige» — vart taksert til 46 rd. Marit Hallvorsdotter g 2. 1813 m *Mikjel Mikjelson Braka,* sjå Braka 44/1.

Gudbrand Gudbrandson Braka, Braka 44/bruk II, f 1777 g 1809 m *Live Knutsdotter Haug,* er nemnde på Skjersteineige i februar 1811. Gudbrand, Live og sonen Gudbrand f 1811 fekk i 1818 attest for å ha reist til Land frå Skjersteineige.

Etter Gudbrand Gudbrandson fekk *Hans Person* frå Land husmannskontrakt i 1816 etter å ha kjøpt rydnings- og bygningsarbeidet på plassen av Gudbrand. Hans Person var gm *Inger Hansdotter.* Dei er nemnde på Kølbu til 1831.

Leiga på 4 spd. skulle betalast ved å arbeide 1 veke i våronna, 1 veke om hausten, 12 dagar i slåttonna, skjera 3 mål åker og arbeide 12 dagar om vinteren.

Barn til Hans og Inger som me kjenner:

1. Per f 1816 d 1830.
2. Berte Maria f 1819.
3. Inger Matea f 1822.
4. Hans f 1827.
5. Agnete f 1831.

I 1847 vart Kølbu utskild, med den eine halvdelen frå øvre og den andre frå nedre Skjerstein, og seld i 1848 til *Anne Isaksdotter,* sjå Skjerstein. Anne selde same år for 60 spd. til sonen Anders Andersson.

Anders Andersson Skjerstein f 1815 d 1899 som enkjemann g 1852 m *Ingebjørg Hallsteinsdotter Leikebakke* f 1823.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 5 mål noko høglendt åker og dyrka eng, 30 mål vanleg slåtteland, frå Haugrud og Jemteland kom 11 skippund høy, hamninga var god, og dei lauva 400 kjerv. I 1865 hadde dei 5 naut, 6 sauer, og sådde 1 tønne bygg og 2 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Ei stugu med spontak. 2. Ein låve med flistak. 3. Eit fjøs med flistak.

I 1880 selde Anders Andersson til *Knut Knutson Brubakklykkja,* Berget under Bagnsjorde, f 1821 d 1885 på

Kølbu g 2. 1880 m *Siri Mikjelsdotter Lundelie,* Bruflat, f ca. 1839. Barn:

Anne Marie f 1882 d 1964 i Vardal gm Martinius Minaberg, Fluberg, f 1883 d 1980. Dei var småbrukarar i Vardal, og hadde barna Sigrid f 1914, Martin f 1916, Kristine f 1918 og Anne Mary f 1922.

Ved skiftet etter Knut Knutson fekk *Ole Arneson nørdre Leitet* f 1852 d 1938 skøyte i 1887, g 1875 m *Anne Marie Isaksdotter nedre Skjerstein* f 1849 d 1918. Barn:

1. Oline f 1875 gm Nils Munkelien, Nordsinni.
2. *Anne* f 1878, neste brukar.
3. Iver f 1881 d 1917.
4. Anton f 1886 gm Anna Olsdotter Skaran, sjå nedre Kølbu 46/10.
5. Anna Bertine f 1889 d 1912.

I 1931 fekk *Nikolai Munkelien,* Nordsinni, f 1879 d 1962, auksjonsskøyte, gm *Anne Olsdotter Leite* f 1878 d 1960. Dei tok til med å bruke Kølbu i 1911. Barn:

1. *Nils* f 1900, neste brukar.
2. Ola f 1907 gm Tordis Mikkelsgård, busette i Munkelia, Nordsinni.
3. Gudmund f 1914 gm Else Kjølberg, Fredrikstad.

Nils N. Munkelien f 1900, eigar frå 1944, gm *Gudrun Rundhaug,* Nordre Land, f 1907. Nils har rydda det meste av jorda på Kølbu. Barn:

Anne f 1945, neste brukar.

Anne Munkelien f 1945 g 1967 m *Kåre Johnsen,* Østre Toten, f 1942, eigarar frå 1974. Barn:

1. Turid f 1968.
2. Nils Arne f 1973.
3. Geir Åge f 1976.

Kølbu har ca. 20 da. lett hellande og flat dyrka jord, der noko har vore myr. Til bruket høyrer òg ei eng nede ved Etna i Nordre Land, Tomleenga på 45 da., som blir brukt til korndyrking. Skogen er på ca. 350 da.

Husa er våningshus 1926, uthus 1946 og skåle i noverande form frå ca. 1918.

Skogbo bnr. 16

Bustadhus på tomt ved Etna stasjon, nedafor jarnbanelina, utskild frå Kølbu i 1951. På Skogbo bygde fyrst *Ola Munkelien* i 1944. I 1952 vart staden seld til *Anders Gjerdingen,* som budde her med familien til 1979.

Solbakken bnr. 21

Bustadhus 1964 på tomt utskild frå Kølbu i 1962, bygt av *Sverre Trondhjem,* Etnedal, f 1933, baneformann ved jarnbanen, gm *Ingrid Kasenborg,* Nordsinni, f 1937. Barn:

1. Aud f 1959.
2. Harry f 1960.
3. Svein f 1970.
4. Ivar f 1972.
5. Monica f 1977.

Butikkfolk på Etna: Anton Olson Kolbu f 1886 og kona Anna Olsdotter f Skaran 1884. Dei bygde nedre Kølbu i 1912, og dreiv landhandel til 1964.

Nedre Kølbu bnr. 10

Nedre Kølbu vart utskild frå Kølbu i 1912, og seld i 1913 frå Ole Arneson Kolbu (Leite) til sonen *Anton Olson Kolbu* f 1886 d 1967 g 1913 m *Anna Olsdotter Skaran* f 1884 d 1974. Anton rydda nedre Kølbu frå skogen, og bygde staden i 1912. I bygningen dreiv dei landhandel til 1964, og hadde ei ku ved sida av. Barn:

1. Ola f 1913 d gm Helene Markestad, Toten, busette på Dokka.
2. Marie f 1915 d gm Jakob Tveter, Rælingen.
3. *Dorthe* f 1918, eigar frå 1975.
4. Olaf f 1920 gm Karen Milling, Danmark, busette på Fagernes.

Skjersteineige

Anders Kristaferson Leikebakke og *Tora Arnesdotter Kyrkjebjørgo* er nemnde på Skjersteineige i 1806.

Arne Arneson gm *Kari Hansdotter* er nemnde på Skjersteineige 1821—32. I 1861 reiste dei til Amerika, og var då kalla Bøle. Barn på Skjersteineige:

1. Arne f 1821 gm Ingrid Arnesdotter Braka, Braka 44/1, f 1814, til Amerika 1852.
2. Hans f 1824 gm Gunhild Monsdotter Liabekklie f 1827, til Amerika 1851.
3. Mikjel f 1827 gm Kari Embreksdotter Haftonseige, sjå Leikebakkebøle 45/3.

Skaratn (Skaran)

Gamalt matrikkelnr. 189, gamal skyld 2 skinn.
***1838:* Nytt matrikkelnr. 44, ny skyld 4 dalar 4 ort 6 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 47, skyld 12 mark 65 øyre.**

Høgt oppe i dalsida ut mot Begnadale, 425 m o.h., ligg garden Skaratn på ein nokså bratt avsats med helling mot sørvest. 10—12 da. av jorda kan ein bruke traktor på, resten er for bratt.

Namnet Skaratn er bunden form fleirtal av *skǫr* f., som m.a. kan tyde steg i ein trapp. Folk må då ha festa seg nettopp ved hylla eller avsatsen i dalsida. Segna seier derimot, i eit meir beinveges forsøk på namnefortolking, som nok har teke utgangspunkt i den også nytta skriftforma *Skaren,* at Skaratn vart rydda av ein rømling som kom nordafjells frå. Dette skjedde på skaren om våren. (Anders Lønnum i Valdres 20.12.1921.)

Forbi Skaratn gjekk ein gamal ferdelsveg ned til Langedrag. Her har også vore tømmerveg.

Skaratn grensar i nord mot Leite, som frå gamalt høyrde under nedre Bagn, i sør — nede i lia — mot Langedrag, og i aust og nord mot Storøydgarde.

I 1751 inngjekk Anders Arneson Bagn, på vegner av sonen Arne Andersson, kontrakt med Ellend Simenson Skaratn om delet mellom Storøydgarden og Skaratn.

Skaratn var venteleg rydda før 1350. Men gjennom øydetida vaks staden temmeleg att, for i matrikkelen 1667 er garden nemnd som eit skogstykke. Då heiter det at bonden på Sørflaten har overteke eit skogstykke frå futen og lagt det inn under garden. Skogstykket låg særskilt til, og var kalla Skaratn. Når namnet Skaratn er brukt, kan det vanskeleg tolkast annleis enn at minnet om den gamle, nedlagde garden må ha vore levande.

Før øydetida kan ha lege to gardar på området til Skaratn. I skoglia ovafor og noko aust for Skaro, 534 m o.h., ligg den garden som lenge har vore kalla Skarasetre, men som i kjeldene på 1600-talet også er nemnd som *øvre Skaratn.* Øvre Skaratn hadde på same vis som Skaratn særskild skyld, båe 1 skinn. Det kan peike mot at øvre Skaratn — eller Skarasetre — var ei gamal eining. I ei rettssak i 1694 om skogen mellom Storøydgarden og Skaratn blir det ført vitne for at brukaren i Skaro hadde brukt setra Skarasetre i vel 20 år.

Tiende *1666:* 1 setting bygg. Matrikkel *1723:* Garden har skog til husbehov, med tida kan det bli skog til sagtømmer, det er flaumkvern og lægjet er måteleg. Matrikkel *1761:* Skaratn kan hogge 20 tylfter sagtømmer og Skarasetre 10. Inntekter til skattar og utgifter kjem i fyrste rekkje frå skogen.

Frå kring 1700 var Skaratn og Skarasetre to gardar. Frå *Skaro* vart Bjødnaskaret bnr. 9 utskild i 1901 og øvre Skaratn bnr. 10 i 1915. Øvre Skaratn hadde før vore to plassar, nørdre og søre Håvårdsonplassen. Ein del av skogen til Skaratn vart fråseld i 1803 og skyldlagd i 1806. Frå *Skarasetren*

vart Joplassen bnr. 3 utskild i 1843, og Leiteplassen bnr. 7 og Liamyre bnr. 8 i 1897.

Dei eldste husmannsplassane ser ut til å ha vore opptekne i andre halvdel av 1700-talet. I 1801 var det såleis to plassar under Skaro og to under Skarasetren. Joplassen under *Skarasetren,* før kalla Eivindsplassen, vart sjølveigarbruk i 1843, og Leiteplassen i 1897. Bjødnaskaret under *Skaro* vart seld til sjølveige i 1901, og dei to Håvårdsonplassane vart slått saman og frådelt garden i 1915. Håvårdsonplassen var opphavleg ein plass, men delt i ein nørdre og ein søre plass seinast i 1865. Skarabrøtin under Skaro vart fråflytta i 1926, og sidan nedlagd.

I juli 1821 vart Skarasaga i Skarabekke synfart. Saga hadde ikkje vore brukt i seinare år, men eigaren Sjugurd Ellendson ville setja ho i stand til våren. Dei fleste tider av året mangla saga vatn, og lagretten kom til at det i eitt år kunne skjerast 2 tylfter tømmer.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	2	15	17

	Bondefolk	Tenestefolk	Husmannsfolk	Handverksfolk	Arbeidsfolk	Fattigfolk	Andre	
1782	10	3					4	17
1801	9	2	18			1		30
1865	16	4	29					49
1900	25	11	1			1	1	39

Husdyrhald, utsæd og avling 1723—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1723	2	12	12	2 1/8		
1761	2	13	22	5	20	6 lass
1782	2	11	22	5	22	36 lass
1866	3	15	37	9	28 1/8	
				korn		
				17	90	138 skpd.
				poteter		

Eigarar

Både Skaratn og øvre Skaratn — Skarasetre — var krongods ved utgangen av øydetida. Oberstløytnant Ove Brockenhus kjøpte Skaratn av kongen, og er ført som eigar frå 1671. I 1672 pantsette Ove Brockenhus m.a. Skaratn for eit lån på 560 rd. til Berit Trolle. Obligasjonen vart innfridd av Laurits Lauritsen, som tinglyste han i oktober 1673.

Neste kjende eigar, førre fut i Eiker og Lier, Johan von Cappelen, selde i 1693 Skaratn til verbroren Gerhard Treschow, tollar i Kristiania. Johan von Cappelen var også eigar av øvre Skaratn, som han selde samstundes. Godset vart sagt å vera arv etter mor til Johan von Cappelen, Anne Sørensdotter. I 1706 selde son til den tidlegare eigaren Ove Brockenhus, Jørgen Otto Brockenhus, oberstløytnant ved Det opplandske regiment, odels- og løysingsretten til 1 skinn i Skaro til brukaren for 16 rd.

I 1699 selde Gerhard Treschow Skaratn og øvre Skaratn til Ola Ellingson Dølve, som alt i 1690 hadde bygsla øvre Skaratn, kalla 1 skinn rydningsjord, av Johan von Cappelen. Gerhard Treschow sette som vilkår at alt sagtømmeret som vart utdrive frå skogen, skulle seljast til ingen andre enn han. Etter sak i 1702 og -03 vart Ola Dølve dømd til å selja gardane til brørne Ola og Jeremias Ellendsøner.

Bruk, husmannsplassar og bustadhus

Den fyrste rydningsmannen i Skaro etter øydetida var *Ellend,* som betalde tiende av Skaratn i 1666. I matrikkelen 1667 er han rett nok oppført på Sørflaten, og også i skattelistene seinare kalla Sørflate. I 1664 er Ellend, eller *Ellend Jeremiasson* f ca. 1630 d 1702 i Skaro, oppført på Leikebakke. Under åstadsaka i 1694 om skogen mellom Storøydgarden og Skaratn, sjå nedafor, fortalde Ellend at han fann ein merkjestein i skogen då han tok til å rydde her, og at han bygsla rydningsplassen Skaratn av futen Jakob Madsen Lund. Tøstein Braka, 66 år gamal, hadde derimot ikkje høyrt om noko dele i skogen mellom Storøydgarden og Skaratn, og fortalde at for vel 30 år sidan brukte far hans Skaratn som seter under Langedrag. Det ser då ut for at Ellend Jeremiasson kan ha kome til Skaratn kring midten av 1660-åra. Arne Fønnhus, 49 år gamal, prova at Ellend i vel 20 år hadde brukt setra Skarasetre i den skogen dei tvista om. Barn til Ellend Jeremiasson som me kjenner:

1. Jeremias, sjå Skaratn 47/1.
2. Ola g 1. m Ragnhild Simensdotter, g 2. m Guri Sjugurdsdotter, sjå Skarasetre 47/2.

Mellom Ellend Jeremiasson og brukarane av Storøydgarden var det fleire gonger tvist. På vintertinget i 1692 spurde Ola Bjørnson (Storøydgarden) og Kjell Olson (Fønnhus) om dei ikkje sist haust hadde stemna han til åstaden for å ha bygt seg seterhus i heimrasta og hamna deira. Ellend medgav dette, og sa han hadde vorte einig med brukarane på Storøydgarde om at han skulle ha haustbeite, men ikkje sumarhamne, i marka deira.

I juni 1694 hadde Ola og Kjell innstemna Ellend på nytt fordi han mot avtale denne sumaren hadde teke til å setre i heimrasta deira. I domen heiter det at setermark etter

loven skal vera i allmenningen til fjells, og ikkje i heimrast i bygda. Difor måtte Ellend straks fjerne seg frå heimrasta til saksøkjarane, og dei på Storøydgarde kunne drive krøtera til Ellend vekk med hjelp frå grannar. Ellend måtte betala sakskostnaden på 3 rd.

Til vintertinget 1694 var Ellend stemna av futen for i felles mark med Storøydgarden, som kongen åtte, å ha hogge tømmer ulovleg og tillate andre å hogge. Etter gransking i skogen fastslo domen i september same år at Ellend tidlegare svært ulovleg har hogge i skogen, og siste år lova andre å hogge mot betaling. Ola Bjørnson Storøydgarden skulle difor ha dei 45 tylftene sagtømmer som Ivar, Arne og Ola Ølmhus hadde hogge i delen hans i fellesskogen og få att sakskostnaden sin. Ellend Skaratn måtte bøte 6 rd. til kongen for landnam, og han og sonen Ola fekk ikkje hogge meir enn dei hadde rett til etter skylda.

Jeremias Ellendson, saman med broren Ola, avtala med eigaren Ola Ellingson Dølve om å få kjøpe Skaratn og øvre Skaratn. Dei betalde også kjøpesummen på 65 rd. Men Ola Dølve heldt ikkje avtala, og leverte halve summen attende til kona til Ola Ellendson. Då vart Ola Ellingson på vintertinget i 1703 dømd til å motta pengane han hadde tilbakelevert og straks skrive skøyte til brørne på gardane.

Trass i domen kan det ha trukke ut med salet, for på hausttinget i 1705 hevda Ola Dølve å ha innstemna brørne Ola og Jeremias Ellendsøner for å bruke to plassar som han meinte å eige, nedre og øvre Skaratn, utan å svara landskyld. Stemnemålet vart ikkje funne i orden, og saksøkjaren måtte stemne på nytt.

At tonen mellom Skaro-brørne og Ola Dølve var spent, ber ei ny stemning i mars 1706 bod om. Då skulda Ola Dølve Jeremias Ellendson for å ha skjelt han ut for ein «hestesteiker» — eit skjellsord som nok må oppfattast på bakgrunn av at hestekjøt ikkje vart brukt til mat.

Ola og Jeremias må likevel ha fått overta frå Ola Dølve, for i november 1706 kjøpte Jeremias odels- og løysingsretten til Skaratn av Jørgen Otto Brockenhus. I øvre Skaro, eller Skarasetre, vart broren Ola brukar.

Skaratn (no Skaro) bnr. 1

I 1719 selde Jeremias Ellendson garden for 300 rd. og livaure til brorsonen Simen Olson frå Skarasetren. Simen åtte både Skaratn og Skarasetre. Det går ikkje klårt fram om han budde i Skaro eller Skarasetren, men som livaursfolk må Simen og kona Kari ha vore i Skarasetren. Der er dei oppførte i ekstraskatten 1766.

For levetida si skulle Jeremias ha 1 mål åker, 1 lita lyueng sør i bråten, 1 mål eng og eit stykke rydningsmark utanom gjerdet samt den søre stugu og stabburet.

Simen Olson Skarasetre g 1717 m *Kari Arnesdotter*. Barn som me kjenner:

1. *Ellend* f 1718, neste brukar.
2. Arne f 1720 g 1. m Siri Arnesdotter, g 2. m Kari Olsdotter Ølmhus, sjå Skarasetre 47/2.
3. Ola f 1723 gm Ragnhild Kristafersdotter Øyhus, sjå søre Lundatn 50/8.
4. Anders f 1725 gm Anne Hallvorsdotter, sjå under Åmsrud.

Garden Skaro (Skaratn) ca. 1920.

5. Ola f 1728 gm Jøren Nilsdotter, sjå nedre Storøydgarden bruk I.
6. Mikjel f 1734 g 1. m Marit Hallvorsdotter, g 2. m Gudbjørg Olsdotter, sjå båe gonger Stanfinnmarke, g 3. m Anne Olsdotter Braka, sjå Skaroeige.

Simen Olson selde i 1750 for 300 rd. til sonen *Ellend Simenson* f 1718 d 1756 g 1741 m *Dorte (Dordi) Arnesdotter Langedrag* f 1722. Ellend drukna i Begna på veg til kyrkja ein påskedag, er det fortalt. Berre salmeboka låg att på isen. Ved skiftet etter Ellend i 1756 var bruttoeiga 680 rd. og nettoeiga 600 rd. Barn:

1. Simen f 1742 d liten.
2. Gunhild f 1743 g 1. m Embrek Kristenson Rud, g 2. m Anders Person Fekjar, sjå båe gonger Skjerstein.
3. Arne f 1745 d liten:
4. Simen f 1748 d liten.
5. Ingrid f 1751 d liten.
6. *Simen* f 1753, åtte nedre Storøydgarden bruk I 1779—86, i 1801 gardbrukar på Haug i Bruflat. Simen Ellendson var målar, m.a. finst arbeid etter han i Bruflat kyrkje.
7. Kari f 1755 fekk i 1774 sonen Ellend, gm Timann Sjugurdson Roo, sjå nedre Storøydgardseige.

Dorte Arnesdotter g 2. 1756 m *Sjugurd Håvårdson Espelie* f ca. 1732 d 1791 i Skaro. Ved skiftet etter Sjugurd i 1791 var bruttoeiga 1258 rd. og nettoeiga 1030 rd. Barn:

1. *Ellend* f 1757, brukar seinare.
2. Håvård f 1760 gm Ingrid Embreksdotter Maslangrud, sjå Haugen 40/2.

3. Arne f 1763 d ung.
4. Arne f 1765 gm Ingebjørg Mikjelsdotter Bagn, sjå Skjerstein.

Sjugurd Håvårdson hadde fleire tvister med formyndarane til stebarna sine i Skaro.

Til vintertinget 1761 var Sjugurd stemna av formyndarane Arne Simenson og Ola og Mikjel Simensøner Storøydgarden til å ryddiggjera halvdelen eller 1/2 skinn i Skaro, som stebarna hadde arva etter far sin, og som dei meinte Sjugurd øydela med hardhendt hogst. Vitne opplyste at Sjugurd i 1759 hadde hogge og i 1760 utdrive 83 tylfter 1 stokk. Hausten siste år var det opptalt 34 tylfter 9 stokkar som Sjugurd hadde hogge i skogen til Skaratn. Sjugurd avviste søksmålet, og meinte han hadde rett til å bruke garden fordi han var gift med mor til myndlingane.

I domen i oktober vart Sjugurd frifunnen. Det var godtgjort at han i eitt år hadde hogge over 120 tylfter tømmer. Men om han hadde hogge på delen sin av garden eller ikkje, måtte saksøkjarane eventuelt få avgjort på åstaden. Sjugurd skulle framleis bruke heile garden, mot å svara vederlag for den delen barna åtte.

I 1763—64 var det sak mot Sjugurd Håvårdson, innstemna av Arne Simenson Skarasetre, på grunn av renter som Sjugurd skulle svara til myndlingane etter skiftet etter far deira.

På sumartinget i 1772 reiste Arne Simenson Skarasetre odelssøksmål mot Sjugurd Håvårdson, på vegner av myndlingen Simen Ellendson, for det halve skinnet i Skaro som dels Simen, dels syskena hans hadde arva, men som stefaren hadde innløyst for 150 rd. Det vart ført vitne om «den umåtelige skoghogst» Sjugurd hadde drive, og som Arne Simenson påstod var til stor skade for garden.

På skiftet etter Sjugurd Håvårdson i 1791, då også Dorte Arnesdotter hadde skifta frå seg halvdelen sin av buet, vart garden taksert for 800 rd. og utlagd til kreditoren Steingrim Olson Bagn, barn og barnebarn.

Deretter overtok son til Sjugurd Håvårdson og Dorte Arnesdotter, *Ellend Sjugurdson Skaratn* f 1757 d 1803 g 1787 m *Maria Sjugurdsdotter Breie* f ca. 1766 d 1802. Ved skiftet etter Ellend i 1803 var bruttoeiga 1254 rd. og nettoeiga 1047 rd. Ellend åtte nedre Storøydgarden bruk I 1788—91. Barn:

1. *Sjugurd* f 1788, neste brukar.
2. Sjugurd f 1790 d 1791.

Sjugurd Ellendson f 1788 d 1846 g 1. 1805 m *Anne Olsdotter Klosbøle* f ca. 1786 d 1825. Sjugurd kjøpte også Skarasetre. Barn:

1. Ellend f 1806 gm Gunhild Olsdotter Bagn, sjå Skarasetre 47/2.
2. Ola f 1809 d 1846.
3. Marit f 1812 gm Ola Olson Stavadalen, sjå Stavadalen 5/2.
4. Sjugurd f 1814.
5. Tora f 1816 gm Knut Olson Leistrud, sjå Bøleshaugen 6/2.
6. Sjugurd f 1822 gm Marit Olsdotter Leitet, sjå Stavadalsmoen 5/3.

Ved skiftet etter Anne Olsdotter i 1825 var bruttoeiga 1849 spd., nettoeiga 1362 spd., og garden vart utlagd til enkjemannen Sjugurd Ellendson g 2. 1825 m *Dorte Olsdotter Langedrag* f 1807 d 1890. Ved skiftet etter Sjugurd i 1847 var bruttoeiga 2948 spd. og nettoeiga 2083 spd. Barn:

1. *Ola* f 1827, neste eigar.
2. Ellend f 1829 d 1830.

Foran bygningen i Skaro. Kona med korg er Dorte Olsdotter f Langedrag 1807. Her har husmannsfolk møtt fram for å ta til med onnearbeid.

Dorte Olsdotter Skaro f Langedrag 1807 og den andre mannen hennar, Reiar Mikjelson Dølve f 1819.

Dorte Olsdotter g 2. 1847 m *Reiar Mikjelson Dølve,* Dølve 48/1, f 1819 d 1886. Dei hadde pleiedottera *Dorte Tåmåsdotter Skarasetre,* som vart brukar seinare. Reiar hadde bror sin, Tåmås, i Skarasetren. Når han skulle besøke Tåmås, var han innom Skaratn og kvilte, og gifta seg til slutt med enkja her. Dorte og Reiar i Skaro tok til med misjonskvinnelag i 1870-åra. Dei mange som sat trongt i det eller leid naud, hadde alltid gode vener i Skarofolket, som hjalp til med mat og klede.

I 1848 selde Reiar Mikjelson for 1664 spd. til stesonen *Ola Sjugurdson Skaratn* f 1827, som døydde alt i 1849. Deretter gjekk garden attende til mora og stefaren.

Det vesentlege av livauret Reiar og Dorte skulle ha frå Ola, vurdert til 55 spd., omfatta 3 tønner stritt bygg, 2 tønner blandkorn, 5 skjepper brødkorn, 4 skjepper malt, 3 skjepper rug, 2 skjepper salt, og 3 merker humle. Brukaren skulle fø og stelle 3 kyr og 8 småkrøter og skaffe 2 småkrøter og ei halvtanna års kvige kvar haust til slakt samt 4 bismarpund ferskt, godt flesk. Til brukande fekk livaursfolka 1 mål åker og rett til å rydde og gjerde inn 1 mål åker utangjerdes. Av desse 2 måla skulle gardbrukaren årleg gjødsle ein fjerdedel. Livaursfolka kunne også rydde meir åker, men måtte då gjødsle han sjølve. Av kålhagen skulle dei ha 2 ruter, dessutan 1 skippund høy, 5 spd. årleg i pengar og 10 alen linvev m.m.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 32 mål vanleg, men noko bratt åker og dyrka eng, 38 mål ganske godt, men steinut slåtteland, frå utmark og setrar kom 48 skippund høy, hamninga var neppe tilstrekkeleg, 17 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast, dei tok 2500 kjerv asp og bjørkelauv, og garden var tungbrukt. I 1865 hadde dei 1 hest, 10 naut, 16 sauer, 14 geiter, 2 grisar, og sådde 3/16 tønne rug, 1 1/2 tønne bygg, 4 1/2 tønner blandkorn og 7 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med steintak. 2. Eit nytt våningshus med steintak. 3. Eit stabbur med steintak. 4. Ein låve- og stallbygning med steintak, inndelt i sju rom, av dei stall og treskjelåve og med køyrebru i røstet. 5. Eit fjøs med bordtak.

I 1881 selde Reiar Skaratn til *Ole Olson søre Bagnsjordet* f 1856 d 1930 g 1876 med *Dorte Tåmåsdotter Skarasetre* f 1845 d 1927, pleiedotter til Reiar og Dorte. Ola var berre 20 år ved giftarmålet, og sa seinare at han ikkje skulle gifte seg så ung meir. Barn:

1. Dorthea f 1877 gm Syver Arneson Nerødegård, sjå søre Nerøydgarden 40/4.
2. Marit f 1878 gm Jens Arneson Nerødegård, sjå nørdre Håvårdsonplassen, kjøpte garden Roset, Vestre Toten.
3. Anne f 1880 gm Ole Hestekind, Etnedal.
4. Maren f 1881 gm Syver Mikkelson Fønhus, Esbjuk, Nordre Land.
5. Kari f 1882.
6. Anna f 1884 gm Anton Olson Kolbu, sjå nedre Kølbu 46/10.
7. Reier f 1886 gm Tora Nikoline Nilsdotter Komperud. Dei overtok øvre Skaratn 47/10, utskild i 1915.
8. *Ola* f 1888, neste brukar.

Hovudbølet selde Ole Olson d.e. i 1916 til sonen *Ola Olson d.y.* f 1888 d 1970, som i 1929 tok namnet *Skaro* som slektsnamn, g 1912 m *Amanda Arnesdotter Brager,* Braka 44/1, f 1889 d 1961. Ola Skaro hadde sylvrevfarm, og var klokkar og organist i Leirskogen kapell. Barn:

1. Dorthe f 1913.
2. Tonette f 1915.
3. Magnhild f 1916.
4. Torbjørg f 1920 gm Sverre Skarasæter f Hjellum.
5. *Ola* f 1921, neste brukar.
6. Arne f 1923 gm Gunnvor Damslora, Løken i Høland. Arne fekk frådelt eit skogstykke, Gruva, då broren Ola overtok garden.

Ola Olson Skaro f 1921 overtok i 1949, gm *Bjørg Stensæter* f 1924. I

Ola Olson Skaro f 1888 og kona Amanda Arnesdotter f Brager 1889 med barna bak. Frå venstre: Torbjørg, Dorthe, Ola, Arne, Magnhild og Tonette. Ola Olson d.e. var klokkar og organist i Leirskogen kapell.

1960 vart gardsnamnet endra til Skaro. Barn:

> *Tove Anni* f 1952, eigar frå 1974, gm *Kjell Langerud,* Jevnaker, f 1948. Barn:

1. Silje f 1976.
2. Sindre f 1977.

Skaratn har ca. 40 da. dyrka jord, før brukte dei 50 da. med hest, og 1200 da. skog og utmark, som ligg rundt garden. I *Rugskare* vart det dyrka rug, og i *Kølskoldale* brent kol. Sør på jorde ligg *Jermusåker'n.* Namn elles i innmarka er *Øvre jordet, Kalvekvea, Eldhuseikra, Smiukvea, Badstugueikra, Låvehauge'n, Fjøseikra, Ospeflate* og *midtre Førskotet.* Synst og nedst på jordet ligg *Brøtaførsagd'n,* der husmannen frå Brøta slo. Det var *førsagd* — avtala — med husmannen at dette var stykket hans. Husmannen frå Bjødnaskare slo *Skalaførsagd'n* nørdst og nedst, og mellom dei ligg *Plassaførsagd'n.*

I søre Håvårdsonplasse, sjå der, var det ein husmann dei kalla «Timanns-Ola». Husbonden i Skaro meinte han ikkje hadde slått godt nok, og sa han måtte gjera det betre. «E skal slå betre åt de enn e gjer åt me sjøl,» svara «Timanns-Ola». Så slipte han den gamle ljåen og slo så snaut at det vart lite med gras neste år.

I 1954 vart bygd ein 2,5 km lang veg ned frå Leirskogvege, før det var slåddeveg til garden lengre nord. Elektrisk ljos fekk dei i 1951. I 1982 vart Skaro-

vegen fullført, ein privatveg mellom Skaro og Granum nede i dalbotnen.

Nede på jordet ligg ei gamal bustadtomt, der ein framleis finn hjørnesteinar og dørhelle. Det gamle våningshuset var bygt kring 1800, ny hovudbygning 1982. Livaursbygningen er frå 1876. Fjøset frå 1852 vart rive i 1976. Badstugu, som stod i øvre kanten av *Badstugueikra,* vart riven i 1952 og eit gamalt eldhus fyrst i 1970-åra. Låven er frå 1866. Gamlestallen, som var sett opp av gamalt tømmer og før stod midt i gardsrommet, vart seinare flytta lengre opp på tunet. Tenestefolka sov i andre høgda i stallen. Nedi jordet stod ei utlyu som vart riven i midten av 1950-åra.

I eldre tid hadde Skaratn Elgetjednsetre på Veståse. Dit kom dei ved å ta dyra over Begna og fylgje den gamle setervegen opp lia og vestover. Elgetjednsetre vart utskild i 1892, og seld same år til Johan Mikjelson Steinbrøtin. Gravsetre på Auståse, samansett av fleire partar og utskild frå Braka i 1887, vart kjøpt til Skaratn same år. Seterdrifta vart nedlagd i 1951.

I *Sagbekke* nedafor jordet var det oppgangssag.

Når husmannsfolka var samla til mål i Skaro, sat dei kring eit stort lemmebord. Ungane sat ved eit lite bord kalla skiva.

På Gravsetren ca. 1915. Amanda Skaro får heimfolk på besøk. Til venstre Ragna Brager, syster til Amanda, Amanda i midten med to sinkbytter har henta vatn, og til høgre Ola Skaro med kløv. Frå Skaro til Gravsetre var det dels dårleg veg. Det som trongst på setra om sumaren, vart pakka i kløvkasser, og fyrst lest på ein trestengd slede og køyrt med hest frå Skaro opp til Leirskogvegen. Her hadde garden eit vognskjul med køyrereiskap, som dei bytte til. Så vart det lettare for hestane over Leirskogen. Ved Brenne vart kløvene lasta over på hesteryggen, og deretter gjekk dei gangstigen fram til setra. Heile vegen tok om lag tre timar.

Under krigen i 1940 var det ikkje tyske soldatar i Skaro, men i Bjødnaskare var ein norsk styrke. Til Skaro kom folk frå Oslo og Hønefoss.

Bjødnaskaret bnr. 9

Bjødnaskaret ligg einsleg til oppe i Leiteberge nord for Skaro med over 1 km til næraste granne. Namnet er sagt å skulle koma av at ein bjørnejeger slo seg ned i skogen her for å drive jakt. Det er ikkje bilveg til bruket, som vart fråflytta i slutten av 1950-åra. Det var tungvint drift og slitsamt å bu så avsides når mest alt ein trong måtte berast på ryggen. I tillegg til stigen sørover gjekk også en gangstig ned lia til Begna.

Dei fyrste me kjenner i Bjødnaskare, er *Ola Arneson Dølvesetre,* nørdre Dølve, f 1803 d 1857 i Bjødnaskare g 1842 m *Gjartrud Eriksdotter* frå Nord-Aurdal f ca. 1815 d 1906. Dei er nemnde i Dølvesetren 1842 og i Bjødnaskare frå 1846. Barn:

1. *Arne* f 1842, husmann seinare.
2. Marit f 1846, rimelegvis den Marit Olsdotter Skaroeige som i 1879 fekk dottera Olava med Martin Olson Skaroeige.
3. Siri f 1849 gm Ola Andersson Sandvike.
4. Kari f 1852.
5. Erik f 1855 gm Anne Evensdotter Vika, sjå Gamlemoen.

Gjartrud Eriksdotter g 2. 1860 m *Gudbrand Arneson Lindelie,* Dølve bruk I, f 1810 d 1878, neste husmannsfolk. Barn:

Olea f 1861 gm Ole Olson Gullberg, sjå Tåmåsbrøtin 52/3.

I 1865 hadde dei 1 ku, 5 sauer, 3 geiter, og sådde 1 tønne bygg og 2 tønner poteter.

Arne Olson Bjødnaskaret f 1842 d 1928 g 1870 m *Ingebjørg Andersdotter Langedragslie,* Sveinedokke under Langedrag, f 1846 d 1899. Arne fekk i 1862 sonen Ole — Ola Skogstad — med Marit Hallvorsdotter Milevatnet. Ole gifta seg med Siri Helgesdotter Joplassen, sjå Solhaug 40/3. På sine eldre dagar budde Arne i Sandviken. Arne var ein dyktig arbeidskar, og dreiv som tømmerhoggar, tømmerkøyrar, vegarbeidar og slaktar. Han var også god til å synge når dei baska med stein på veganlegg. (Valdres 21.8.1928.) Barn til Arne og Ingebjørg:

1. Ole f 1870 d 1877.
2. *Andreas* f 1872, neste brukar.
3. Arne f 1873 d 1893.
4. Gudbrand f 1876 d 1877.
5. Gjertrud f 1879 gm Torstein Torsteinsen, Voss, sjå Åsheim 39/57.
6. Ole f 1882 gm Berte Gunvaldsdotter Storsvelykkja, sjå Brubakkin 39/23.
7. Dorthea f 1888 g 1911 m Even Pederson Renden, Renna under Gastgjevarhauge. Dei fekk i 1911 dottera Ingeborg, og reiste til Canada.

I 1901 vart Bjødnaskaret utskild, og seld same år til *Andreas Arneson Bjørneskaret* f 1872 d 1946 g 1898 m *Gunhild Andersdotter Sveinsbråten* f 1878 d 1937. Andreas måtte tidleg ut, og dreiv med tømmer- og vegarbeid. Bjødnaskaret arbeidde han opp til eit godt bruk. Då den yngste sonen hadde overteke, flytta Andreas ned til Nymoen til dottera Inger og mannen hennar.

Gravferda i Bjødnaskare etter Gunhild Andersdotter i 1937. Enkjemannen, Andreas Arneson, med hatt til venstre. Midt bak kista Amanda Skaro, og son til Gunhild, Anders, bak Amanda til høgre. Ved kista dottera Inger Islandsmoen med eit barn på armen, mannen hennar, Ivar Islandsmoen, og ytst til høgre Gunhild Bjørneskaret f Milevasslien, kona til Anders. Dei andre på biletet er Ivar og Trond Milevasslien, Nils Kolsrud, Torbjørn Torsteinsen, Knut Røine og kona hans.

Der bygde han seg ei lita stugu og dreiv ein liten skomakarverkstad. (Valdres 1.8.1946.) Andreas rydda ei myr på ca. 5 da. sør for Milevasstjedne, Lønvik, der han hadde ei lyu. Fôret herifrå vart køyrt ned til Bjødnaskaret om våren på slede. Barn:

1. *Arne* f 1900, neste eigar, gm Klara Thorvaldsdotter Lien, til Canada 1930.
2. Ingeborg f 1902 gm Hans Hansen, Hønefoss.
3. Inger f 1905 gm Ivar Islandsmoen, sjå Nymoen 50/25.
4. Anna f 1907 gm Syver Arneson Engen, sjå Enge 56/5.
5. *Anders* f 1910, neste brukar.

Andreas selde Bjødnaskaret i 1927 til sonen *Arne Bjørneskaret,* og i 1935 fekk broren Anders auksjonsskøyte.

Anders Bjørneskaret f 1910 gm *Gunhild Trondsdotter Milevasslien* f 1912. Anders var skreddar, og hadde gått i lære hjå Ole Berg i Bagn. Medan dei budde i Bjødnaskare, hadde Anders faste møtedagar på posthuset i Hølera der folk kunne prøve kleda. I 1962 flytta Anders og Gunhild ned til Slettmo i «Briskebye». Barn:

1. Gerd f 1938, sjå Føsselykkja 40/7.
2. Arna f 1948.

Eigar frå 1964 er *Nils Huseby,* Bagn.

Bjødnaskaret har om lag 10 da. dyrka jord og 200 da. skog. Husa er våningshus og uthus. Anders Bjørneskaret bygde på og utvida den gamle, vesle tømmerstugu.

Håvårdsonplassen

I skogen nokre hundre meter ovafor Skaro låg Håvårdsonplassen, opphavleg visstnok kalla *Brenne.* Håvårdsonplassen var lenge to plassar, nørdre og søre Håvårdsonplassen, i daglegtale vanlegvis nørdre og søre Plasse. I 1915 vart dei to plassane utskilde frå Skaro som ein eigedom med namnet øvre Skaran.

Det vart sagt at ein Håvård skulle ha rydda dei to plassane, fortel Anders Lønnum i Valdres 20.12.1921. Denne Håvård hadde ein son Ola, som igjen hadde sonen Håvård — «Håvårdsonguten». Skriftlege kjelder kan ikkje stadfeste segna om den fyrstnemnde Håvård i Brenn eller Håvårdsonplassen. Far til Ola heitte rett nok Håvård — Håvård Mikjelson. Men denne Håvård døydde som husmann på Øyhuseige i 1773, og er før berre nemnd under Øyhus og Lundo.

Den fyrste me med visse veit budde i Håvårdsonplasse, og som kan hende rydda han, er derimot son til Håvård Mikjelson, *Ola Håvårdson,* Øyhuseige, f 1768 d 1837 på Skaroeige, kalla Skaroeige ved giftarmålet i 1799 m *Gunhild Mikjelsdotter Skaroeige,* kalla «Håvårdson-Gunhild», f 1777 d 1858 i Håvårdsonplasse. Barn:

1. Håvård — «Håvårdson-guten» — f 1801 g 1849 m Johanne Olsdotter Tåmåsbrøtin, sjå nedafor og Smedmoen 50/23.
2. Anne f 1803, til Land 1822.
3. *Siri* f 1806, til Land 1822, neste brukar.

Håvårdsonplassen er særleg kjend som heimstaden til «Håvårdson (Håvelson)-guten», av ettertida gjerne sett på som ein «meistertjuv», omgjeven av drama og eventyr. Men bak fråsegnene som har gått om han, skjuler det seg nok heller vanlagnad og tragedie.

Far til Håvård Olson var skinnfellmakar, og tok sonen i lære. Ingen gjorde finare arbeid enn Håvårdson og Håvårdsonguten, vart det sagt. Siri, syster til Håvård, lærte å spinne og veva av mora Gunhild, og var svært dyktig. Etter konfirmasjonen tok Siri teneste på ein av dei store Nesgardane ein mils veg utafor Odnes i Land. Håvårdson-guten ville besøke Siri våren etter, og drog dit. Her var det at ulykka kom, fortel Anders Lønnum i Valdres 20. 12.1921, «det var blott et øyeblikks sak, så var hans skjebne avgjort.»

I ein glaskarm hadde frua på garden nokre sysaker liggjande: ei lita saks, eit fingerbøl og eit lintrådnyste med tre synåler stukne inn i. Ved eit plutseleg innfall om at desse sakene kunne vera nyttige for handverket hans, raska Håvård dei til seg. Det vart stort oppstyr i huset då frua sakna sysakene, og under strigråt tilstod Håvårdson-guten. Gret gjorde også Siri. «Men disse lapser av mennesker kjente ikke en sådan svakhet som medlidenhet,» seier Anders Lønnum. Håvård vart bunden og arrestert, overbrakt lensmannen i Søndre Land, og med to mann som vaktarar send attende til heimbygda. Her vart han sett inn hjå lensmann Røang på søre Vøll. Under arresten tok han viljug del i gardsarbeidet, men kom seg unna ein laurdag. Morgonen etter kunne ein høyre han synge ein salme oppe i det steile Korberge, der han seinare ofte heldt til, ovafor nørdre

Håvårdsonplasse. Men same dag vart han teken.

Domen for hendinga i Land vart tukthus i to år. Dermed kom Håvård inn i den vonde sirkelen. «Således falt hele Håvelsenguttens livslykke i grus, ikke så meget for sin egen brøde, som for ubarmhjertige menneskers ondskap og tidsåndsens råskap og hensynsløshet». Heile verdet av dei stolne sysakene vurderte retten til 16 skilling, fortalde Ola Narveson, verbror til «Håvårdson-guten», sjå nedafor.

Eit lite glimt inn i den menneskelege tragedien som utspann seg, formidlar Ragna Brager i eit brev i 1939. Dorte Skaro hadde fortalt at mor til Håvård, Gunhild, kom gråtande til Skarasetre den gongen dei gjekk manngard etter Håvård og då dei skaut på han.

Kring 1849 kom Håvårdson-guten heim frå slaveriet etter ein dom på mange år, men fekk nådegjeving for god vandel. No ville han gifte seg, og gjorde det i mars 1849. Håvård var svært selskapeleg, og bad mange gjester, men hadde ikkje mat. Då tok han maten der den fanst. Dette vart oppdaga, og bryllaupskvelden vart han teken frå brud og gjester. I 1858 kom han for siste gang ut frå slaveriet på Akershus etter ei straff på sju år, til kone og barn som ein gamal mann. Deretter gjekk ti år i fattigdom til han og familien kom seg over til Amerika i 1868 med hjelp frå fattigvesenet. (I hovudsak Valdres 20., 22. og 24.12. 1921.)

Ola Narveson Sørflate, Sørflatdalen 27/6, f 1802 g 1828 m *Siri Olsdotter Skaroeige,* Håvårdsonplassen, f 1806, er nemnde på Sørflaten 1830 og -38, på Øyhuseige 1832, i Stormyrbrøta 1844 og på Skaroeige — Håvårdsonplassen — 1834, -40, -42 og -47. Barn:

1. *Narve* truleg f 1828, husmann i nørdre Håvårdsonplasse.
2. Gunhild f 1830 gm Ola Simenson Holte, Viker, sjå Skåne i Begnadalen.
3. Anne f 1832 gm Hølje Kristaferson Vilhelmsplassen, sjå Joplassen 47/3.
4. Ingebjørg f 1834 d 1835.
5. Ola f 1840 d 1840.
6. Ola f 1842, kan hende den Ola Olson Skaroeige som i 1866 fekk dottera Olea med Marit Gudbrandsdotter Dølveseige. I 1868 fekk Ola Olson Skaroeige d.e. dottera Karen med Kari Kristafersdotter Steinsetre.
7. Ola f 1844.
8. Tora f 1847.

Ola Narveson g 2. m Kristine Olsdotter Langedragslie, sjå Brattebakke 44/17.

I 1865 var det to Håvårdsonplassar, kvar med ein husmannsfamilie med jord. Etter munnleg tradisjon budde «Timanns-Ola» på den søre plassen, og ut frå dette ser det ut til å vera mogleg å skilja husmannsfolka på dei to plassane frå kvarandre i åra framover.

Søre Håvårdsonplassen

Ola Arneson Fønnhuseige, Bergseng 44/19, f 1811 d 1892 i Håvårdsonplasse, kalla «Timanns-Ola» — far hans heitte Arne Timannson — g 1. 1835 m *Gunhild Gudbrandsdotter Langedragseige,* truleg frå nørdre Langedragslien 51/4, f ca. 1812. Dei er nemnde på Fønnhuseige 1835, på Langedragseige 1839, på Midtskoge under Storøydgarde 1843, på Bøleshauge av Lundebøle 1847 og på Skaroeige, eller Håvård-

sonplassen, 1860. Det var Timanns-Ola som slo så grundig i Skaro, sjå Skaratn 47/1. Barn:

1. Ingebjørg f 1835.
2. Siri f 1839.
3. Anne f 1843.
4. Gudbrand f 1847 gm Gjartrud Engebretsdotter Hardhaug, sjå Lindokke under Steinsetren. Dei budde i Håvårdsonplasse i 1875 som innerstar, då Gudbrand var tømmerhoggar, og er nemnde på Skaroeige til 1881.
5. *Anton* f 1860 gm *Anne Iversdotter Bagnsøydgarden* (Milevasslie), neste husmannsfolk, sjå Brakajordet 44/8.

I 1865 hadde Ola og Gunhild 3 naut, 2 sauer, 6 geiter, og sådde 1/2 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 1 1/2 tønne poteter.

Ola Arneson g 2. 1881 m *Sigrid Knutsdotter Brubakklykkja* frå Øystre Slidre — «Slidre-Sigrid» — f ca. 1850. Sigrid budde i 1900 i Gråndale under Brubakklykkjun. Barn:

1. Gunhild f 1882 gm Ole Olson Bråten, frå Lia under Tollevsrud.
2. Reiulf f 1885 g 1913 m Ragna Mathiasdotter Fredriksen, Holtebråten, Vestre Toten. Dei flytta til Oslo. Barn døypte i Bagn: Sverre f 1913, Olaf f 1914.

Son til Ola Arneson frå fyrste ekteskap, *Anton Olson,* og verdottera *Anne Iversdotter Bagnsøydgarden* (Milevasslie), var husmannsfolk i Håvårdsonplasse frå slutten av 1880-åra til dei kjøpte Brakajordet 44/8 i 1903, sjå der.

Dei siste som budde i søre Plasse, var *Erling Evenson Rundbråten* gm *Lovise Elton,* Nordre Land. Dei kom til søre Plassen i 1917, og flytta i 1922 til Liamyre 47/8, sjå der.

Nørdre Håvårdsonplassen

I 1865 var son og verdotter til førnemnde Ola Narveson og Siri Olsdotter husmannsfolk, og budde her også i 1869.

Narve Olson truleg f 1828 d 1880 g 1865 m *Anne Sjugurdsdotter Tåmåsbrøtin* f 1831 d 1893, dotter til Sjugurd Kristaferson og Guri Gjermundsdotter, sjå Storrusteeige om Guri. Guri var kalla Steinsetre då ho døydde i 1847, og budde nok i Tåmåsbrøta under Steinsetren. Anne var kalla Skogstad då ho døydde. Barn til Narve og Anne:

Sigrid f 1869, kalla Skogstad då ho i 1899 gifta seg m Peder Haldorson Moen, sjå Kyrkjebjørgmoe 35/7.

I 1865 hadde dei 3 naut, 2 sauer, 3 geiter, og sådde 1/2 tønne rug, 1/2 tønne blandkorn og 1 1/2 tønne poteter.

Harald Knutson var i 1891 husmann med jord, og skinnfellmakar. Han hadde vore gm *Agnete Olsdotter.* Dei budde i 1865 i Bruskare under Klauvrud i Reinli, men i Stormyrbrøta under Skaro i 1875, der Agnete døydde i 1890, sjå Stormyrbrøtin.

I 1900 var dotter og verson til Harald og Agnete, *Anne Haraldsdotter* og *Ole Erikson Sagstugu*, husmannsfolk, sjå Matbrøtin 39/29. Likeins med Harald og Agnete er dei fyrst også

nemnde i Stormyrbrøta, i 1892 og -93, som kan hende var eit anna namn på den nørdre Håvårdsonplassen.

Jens Arneson Nerødegård, søre Nerøydgarden 40/4, f 1872 g 1901 m *Marit Olsdotter Skaran* f 1878, budde fyrst nokre år i nørdre Håvårdsonplasse før dei flytta til Roset, Vestre Toten. Barn til 1911, dei to yngste fødde på Toten:

1. Guri f 1902.
2. Dorthe f 1903.
3. Anna f 1905.
4. Maren f 1907.
5. Olga f 1909.
6. Inga f 1911.

Øvre Skaratn (Skaran) bnr. 10

I 1915 vart dei to Håvårdsonplassane utskilde som bnr. 10, og seld i 1918 av Ole O. Skaran til sonen Reier. Reier bygde opp garden på tunet på den tidlegare øvre plassen. Han bygde på den gamle stugu og bygde nytt uthus. I seinare tid er bygt nytt våningshus. På den søre plassen stod lenge ein låve. Her er no oppdyrka.

Reier Olson Skaran f 1886 d 1963 g 1928 m *Tora Nikoline Nilsdotter Komperud* f 1906. Barn:

Ole f 1928, neste brukar.

Ole f 1928 overtok 1949, g 1948 m *Sigrid Stensæter* f 1928. Barn:

1. Reidun f 1949 gm Odd Arne Nybråten, sjå Furuly 47/17.
2. Ole Sigurd f 1951 gm Ingeborg Hamre, Vestre Slidre, bur der.
3. Kjell Reidar f 1952 gm Solveig Ropstad, Vennesla, busette på Jevnaker.

Reier Skaran f 1886 med hesten i øvre Skaran. Dette var før øvre Håvårdsonplassen.

4. Jan Terje f 1959.
5. Per Kristen f 1961.

Øvre Skaratn har ca. 40 da. dyrka jord og 780 da. skog. I 1970 vart det funne ein sigd av flint, no på Universitetets Oldsaksamling. Ved den gamle vegen i skogen stod ein skåle kalla *Kyrkjeskålen,* som vart brukt til å kvile i for hest og folk når dei skulle til Reinli. På *Gråbeinmyren* vart ei gjetarjente teken av gråbein, seier segna. I 1921 selde Reier Skaran ei myr til Andreas Bjørneskaret, utskild i 1916 som Lønvik bnr. 11.

På uthuset vart påbygt ny låve i 1956. Nytt bustadhus 1978. Til garden høyrer Gravsetre, gnr. 44 bnr. 4 og 5.

Furuly bnr. 17

På Furuly, utskild frå øvre Skaro (Skaran) i 1959, bur *Odd Arne Nybråten,* Finnhert 39/24, f 1944 gm *Reidun Skaran,* øvre Skaratn 47/10, f 1949. Barn:

1. Kai f 1969.
2. Tom f 1970.
3. Stine f 1981.

Skarabrøtin

Sør for Skaro låg plassen Skarabrøtin. No er plassen attvaksen, og det står ei lyu her.

Sjugurd Hallvorson Milevatnet f 1818 g 2. 1846 m *Marit Olsdotter Sveinsbrøtin* f 1825, dotter til Ola Larsson Tronhus og Tora Gudbrandsdotter Åsen, er nemnde i Skarabrøta 1849 og -51, og i 1847 på Milevatne. Dei reiste til Amerika i 1852. Barn:

1. Hallvor f 1847 d 1849.
2. Sjugurd f 1849.
3. Hallvor f 1851.

Amund Kristaferson Bøle, Bøle av Tronrud, f 1825 d 1860 i Skarabrøta g 1852 m *Marit Gudbrandsdotter nørdre Langedragslie* f 1827, er nemnde i Skarabrøta frå 1852. Barn:

1. Thora f 1852, til Amerika 1876.
2. Inger f 1854, til Amerika 1875.
3. Kristoffer f 1856 d 1857.
4. Siri f 1858.

Marit Gudbrandsdotter g 2. 1861 m *Hallvor Andersson Myre* f ca. 1831. Dei er nemnde i Skarabrøta til 1874. Barn:

1. Anne Maria f 1862.
2. Berthe Kristine f 1865.
3. Gurine f 1867.
4. Andreas f 1869.
5. Gudbrand f 1871.
6. Oleanna f 1874.

I 1865 hadde dei 4 naut, 6 geiter, og sådde 1/2 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

Gudbrand Andersson Sveinedokke gm *Oline Marie Hansdotter Bergseige* frå Land, var husmannsfolk med jord i Skarabrøta i 1875. I 1876 var dei på Åseneige, sjå Sveinedokke under Langedrag.

I 1879 budde *Mikjel Iverson Trettebrøtin* gm *Marit Arnesdotter Leitet* i Skarabrøta, men var i Dale 41/5 i 1881, sjå der.

I 1891 var *Halvor Jeremiasson Flugubrøtin* gm *Kari Håkensdotter Rugbrøtin* husmannsfolk. Halvor kjøpte Leiteplassen 47/7 i 1897, sjå der.

Ola Erikson Dalslie gm *Olea Monsdotter Liabekklie,* sjå Liabekklie 52/4, var i Skarabrøta i 1900. Derifrå flytta dei til Kjenset på Vassliåsen i Nordre Land.

Son til Ola Erikson, *Erik Olson Liabekklie,* og verdottera *Anne Monsdotter Steinbrøtin* er nemnde i Skarabrøta i 1906—09, sjå Liabekklie 52/4.

I 1916 vart Skarabrøtin forpakta bort, for siste gong, til *Georg Evenson Rundbråten,* Rundbrøtin under Steinsetren, f 1888 d 1926 g 1913 m *Marit Thorvaldsdotter Lien,* nørdre Langedragslie 51/4, f 1893 d 1967. Før budde dei i Sveinedokken. I april 1926 flytta familien frå Skarabrøta til Finnhert, som Georg nettopp hadde kjøpt. Å bli sjølveigar var eit stort framsteg. Fylt av innsatsvilje gjekk Georg i gang på det nye bruket. Han spara seg ikkje. Men arbeidet gjekk reint på helsa laus, og Georg vart sjuk og døydde alt i august, berre 38 år gamal. Familien vart buande i Finnhert nokre år, deretter flytta Marit og dei yngre barna til Midtlie under Langedrag. Barn:

1. Anna Konstanse f 1914 gm Helge Hansejordet, d 1986, Dokka, sist busette på Dokka.
2. Klara Mathilde f 1916 gm Gudbrand Persokrud, Flekkerud, Viker i Ådalen, busette der.
3. Eivind f 1918 gm Else Nappen, bur i Askim.
4. Olaf f 1920 gm Elsa Erikstad, Ås, bur der.
5. Margit f 1922 gm Erik Barsnes, Sogndal, bur der.

Stormyrbrøtin

Harald Knutson, Bakkatn 12/1, f 1825 gm *Agnete Olsdotter Rundhaug,* Nordre Land, f ca. 1816 d 1890 som husmannskone i Stormyrbrøta. Dei budde ei tid i Bruskare, der dei var i 1865, men var i 1875 i Stormyrbrøta. I 1891 var Harald i nørdre Håvårdsonplasse, som mogleg kan vera identisk med Stormyrbrøtin. Barn:

Anne f 1854 gm Ola Erikson Sagstugu, sjå Matbrøtin 39/29.

Skaroeige

Mikjel Simenson Braka, Skaratn, f 1734 d 1801 som husmann på Skaroeige g 1774 m *Anne Olsdotter Braka,* nedre Sørflate, f 1740 d 1815. Dei er før nemnde på Braka 1775—79 og på Langøydgarde 1782. Barn:

1. Kari f 1775 g 1. m Arne Arneson Hellandshølen, sjå Joplassen 47/3, g 2. m Ola Erikson Steinsetereige, sjå Liabekklie 52/4.
2. Gunhild f 1777 gm Ola Håvårdson Skaroeige, sjå Håvårdsonplassen under Skaro.
3. Ola f 1779.
4. Ola f 1782 gm Ingebjørg Arnesdotter, sjå Leiteplassen 47/7.

Ola Knutson Skaratn f ca. 1747 d 1832 som husmann på Skaroeige g som enkjemann 1789 m *Ingebjørg Olsdotter Bagnseige,* Finnhert 39/24, f 1765

Skarasetre ca. 1964.

d 1842, var husmannfolk under Skaro i 1801. Barn:

Marit f 1796 g 1816 m Nils Knutson Espelieige, som var enkjemann. I 1817 fekk dei dottera Ingebjørg.

Siri Olsdotter Skaroeige fekk i 1864 sonen Embrek d 1864 på Skaroeige med *Ola Embrekson Gubberud.*

Skarasetre bnr. 2

Ola Ellendson Skaratn f ca. 1652 d 1747 , son til Ellend Jeremiasson i Skaro, overtok denne parten av skyld 1 skinn, dels kalla øvre Skaratn, i dei næraste åra etter 1700. Ola var g 1. m *Ragnhild Simensdotter* d 1728. Barn:

1. *Simen,* åtte både Skaratn og Skarasetre, gm *Kari Arnesdotter,* sjå Skaratn 47/1.
2. Ola f 1693 gm Rannei Hallvorsdotter Bagn, sjå Ure under nedre Bagn bruk III.
3. Beret gm Tørris Olson Ton.
4. Truleg Anne f ca. 1694 d 1712.
5. Jøren f 1696 gm Ola Olson søre Øyhus.

Ola Ellendson g 2. 1729 m *Guri Sjugurdsdotter.* Ved skiftet etter Ola i 1748 var bruttoeiga 386 rd. og nettoeiga 292 rd.

I 1750 selde Simen Olson Skarasetre for 300 rd. til sonen *Arne Simenson,* Skaratn 47/1, f 1720 d 1794 g 1746 m

Siri Arnesdotter Langedrag f 1720 d 1773. Arne fekk i 1745 sonen Anders med Margrete Olsdotter. Barn:

1. Kari f 1747 g 1. m Ola Olson Øystugu, g 2. m Ivar Olson Langedrag, sjå Fønnhuseige.
2. Ingrid f 1748 gm Jon Gulson Grimsrud, sjå Joplassen 47/3.
3. Arne f 1753 d 1753.
4. Simen f 1754 g 1. m Olea Olsdotter, g 2. m Maria Gunnarsdotter, sjå båe gonger Joplassen 47/3.
5. Arne f 1758 gm Anne Larsdotter Langøydgarden, sjå Langøydgardseige.
6. Marit f 1761 gm Johannes Gudbrandson Maslangrudeige.
7. Ola f 1764 gm Lussi Olsdotter Garthus, sjå øvre Storøydgardseige.

Arne Simenson g 2. 1775 m *Kari Olsdotter Ølmhus* f ca. 1744. Barn:

1. Ola f 1776 d liten.
2. Siri f 1778 gm Arne Knutson Fjell.
3. Ola f 1780 d liten.
4. Ola f 1783.
5. Steingrim f 1786.
6. Arne f 1790.

Ved skiftet etter Arne Simenson i mars 1794 var bruttoeiga 1379 rd. og nettoeiga 1215 rd. Garden Skarasetre var taksert for 750 rd. Ved skiftet vart *Simen Arneson,* som hadde åsetesrett, einig med stemora Kari Olsdotter om å ta over garden. Men alt i april selde Simen retten sin til Kari for 200 rd., som også betalde han farsarven på 46 rd. Simen hadde tenkt gjennom kor vanskeleg det ville blir «for meg, som en fattig mann, med mange små barn», å klare rentene på dei 750 rd. garden var taksert for samt livaure til Kari. Når Kari også løyste ut dei andre arvingane, ville ho bli eigar.

I 1795 gifta Kari Olsdotter seg opp att med *Gudbrand Person Fjell.* Dei flytta til Fjell i Etnedal. Skarasetre må ho ha selt, for i 1798 var brørne *Simen* og *Ola Arnesøner* eigarar, og viste til eit skøyte i 1796. Dei selde då, kvar for det halve, for 752 rd. til *Ellend Sjugurdson,* son til den førre brukaren i Skaro. Ellend åtte også Skaro, sjå der. Ved salet tok Simen unna Eivindsplassen, to engeslette med høylyur og noko skog. På Liabekksetren skulle han ha felles hus med brukaren i Skarasetren.

I 1799 skøytte Ellend Sjugurdson for 800 rd. til *Arne Mikjelson Storøydgarden* gm *Siri Knutsdotter Lundatn,* sjå Milevasslie 41/4. Ellend hadde selt før jul 1798 til Arne, og vart straks etter utsagd av den førnemnde Simen Arneson, som på vegner av sonen ville innløyse garden. Arne Mikjelson hadde no betalt Simen 90 rd. for odelsretten.

I 1803 selde Arne Mikjelson skogen under garden for 1060 rd. til kammerherre Peder Anker. Skarasetre var vurdert til 2/3 skinn ettersom skylda for Eivindsplassen var vurdert til 1/3 skinn. Same dag selde Kristafer Sjugurdson, som no brukte Eivindsplassen, skogen under Eivindsplasse til Anker for 450 rd. Ved skylddeling i 1806 vart skogen i alt skyldsett for 1/2 skinn, og for Skarasetre med plassar vart då att 1/2 skinn.

Førnemnde *Simen Arneson,* som i 1804 budde på ein plass under garden Haneval i Asker, kravde å få løyse inn Skarasetre og Eivindsplassen frå Arne Mikjelson og Kristafer Sjugurdson. Dei sistnemnde godtok kravet etter innkalling til forlikskommisjonen, og

selde bruka sine til Simen i 1804, Skarasetre for 272 rd. og Eivindsplassen for 98 rd. Skoghandelen med kammerherre Anker skulle stå ved makt.

I januar 1805 selde Simen for 100 rd. til *Jon Gulson Hellandshølen* gm *Ingrid Arnesdotter Skarasetre*, sjå Joplassen 47/3.

Jon Gulson selde i februar same år for 805 rd. til *Embrek Arneson Øyhus* gm *Siri Hallsteinsdotter Rustebakke,* sjå søre Øyhus 50/15, men tok unna til livaure plassen Brøtin og to engeslette sør for plassen. Brøtin må vera identisk med førnemnde Eivindsplassen, seinare kjend som Joplassen.

I 1810 selde Embrek Arneson for 900 rd. til *Sjugurd Ellendson Skaratn,* som også åtte Skaratn, sjå der. Kjøparen fekk ikkje ta plassen Brøtin i bruk før etter at Jon Gulson og Ingrid Arnesdotter var døde.

Sjugurd Ellendson selde i 1811 for 100 rd. til *Ola Arneson Fjell,* som hadde odelsrett gjennom far sin, Arne Simenson Skarasetre. Men Ola selde attende til Sjugurd for 200 rd.

Ved skiftet i 1825 etter Anne Olsdotter i Skaro, kona til Sjugurd Ellendson, vart Skarasetre med Bråtesetre og Føssehaugen utlagd til sonen *Ellend Sjugurdson,* Skaratn 47/1, f 1806, for 500 spd., g 1827 m *Gunhild Olsdotter Bagn,* Ellendshaugen 37/2, f 1807. Ellend var kalla «Ku-Ellend» av di han hadde ei bjølle på kvar ku. Ellend selde Skarasetre i 1829, og familien budde sidan fleire stader, m.a. på Islandsmoe. Han skal ha døydd i ein liten heim på Aurdalsskoge. Barn som me kjenner:

1. Anne f 1828.
2. Marit f 1830.
3. Sjugurd f 1833.
4. Dorte f 1836.
5. Maria f 1839.
6. Ola f 1842.
7. Siri f 1846, g i Amerika m Ola Mikjelson, sjå Rosenlund 36/7.
8. Arne f 1846, tvilling med Siri.
9. Ola f 1854.

Harald Arneson Åsen, sjå der, f 1795 kjøpte Skarasetre i 1829 for 400 spd. av Ellend Sjugurdson. Harald var g 1827 m *Siri Håvårdsdotter Storøydgarden,* Haugen 40/2, f 1797. Dei reiste til Land i 1852, der Harald kjøpte garden Nørstelia i Torpa. Barn:

1. Håvård f 1828 gm Tonette Haraldsdotter Garthus.
2. Arne f 1830.
3. Erik f 1833.
4. Kari f 1835.
5. Sjugurd f 1840.

I 1844 selde Harald Arneson til *Tåmås Reiarson Dølve* f 1816 d 1901 g 1843 m *Anne Olsdotter Langedrag* f 1820 d 1915. Barn:

1. Dorte f 1845, var pleiebarn i Skaro, gm Ola Olson Jordet, sjå Skaratn 47/1.
2. Ola f 1847 — «Stor-Ola» — gm Ingeborg Andrine Nilsdotter Øybakken, Nordre Land, sjå øvre Skjerstein 46/1, flytta sidan til Tøndrom i Land. Ola overtok i 1876 øvre Skjerstein som faren hadde kjøpt i 1866.
3. *Reier* f 1850, neste brukar.
4. Mikkel f 1852 d 1873.
5. Marit f 1854 d 1897.
6. Anna Dorthea f 1856, til Amerika, gm Olaus Wold.

Gravferd i 1921 etter Anne Olsdotter Skaraseter frå Sveo. Kusken er Ola Skjærstein. Den gamle kona med tørkle på hovudet er Dorthe Thomasdotter, som hadde vore pleiedotter i Skaro.

7. Ole f 1858 — «Vesle-Ola», til Amerika.
8. Kari f 1860 d 1862.
9. Hans f 1865 d 1911 gm Anne Olsdotter Hafton f 1873 d 1953. Hans og Anne kjøpte fyrst Tøndrom i Nordsinni, deretter garden Karsrud på Vestre Toten. Barn: Ingrid f 1899, Thomas f 1901, Anna f 1903, Ola f 1907, Mikael f 1909 og Hansine f 1912.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 12 mål noko skarplendt åker og dyrka eng, 48 mål noko magert slåtteland, frå Brøto kom 12 skippund høy, hamninga var ikkje tilstrekkeleg, dei lauva 1000 kjerv, og garden var noko tungbrukt. I 1865 hadde dei 1 hest, 6 naut, 6 sauer, 12 geiter, 1 gris, og sådde 1/16 tønne rug, 1 tønne bygg, 1 tønne blandkorn og 3 tønner poteter.

I 1876 selde Tåmås Reiarson for 200 spd. til sonen *Reier Thomasson* f 1850 d 1926 g 1876 m *Anne Olsdotter Sveitn* f 1837 d 1921. Barn:

Anna f 1878, neste brukar.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med bordtak. 2. Eit stabbur med bordtak. 3. Eit fjøs med bordtak. 4. Ein låve- og stallbygning med bordtak. 5. Eit bryggerhus med bordtak.

Reier Skaraseter selde i 1916 til dottera *Anna Skarasæter* f 1878 d 1956 g 1923 m *Einar Olson Bråten,* Etnedal, f

1898 d 1979. Einar Bråten fekk auksjonsskøyte i 1938. Dei adopterte *Sverre Johnny Gjellum Skarasæter* f 1929, son til Leif Jørgen Gjellum og Signe Dokkebakke, gm *Torbjørg Olsdotter Skaro* f 1920. Dei overtok i 1960.

Skarasetre, 534 m o.h., har 45 da. både bratt og flatlendt innmark, skogen er 640 da. og gardsvegen 1200 m lang. I innmarka er namna *Fulteroflate, Haugåker'n, Steinåker'n, Stuguåker'n, Gofaåker'n* og *Krokåker'n.*

Det gamle tunet stod om lag 100 m lengre opp. Husa no er ca. 100 år gamle, men fjøset er frå 1968.

Skarasetre åtte Håkensetra i Nordre Land, som vart seld. Deretter var vart setra Lier kjøpt saman med Kristoffer Tomtene. Lier er seld til Egil Framnes.

Joplassen bnr. 3

Joplassen nokre hundre meter ovafor Skarasetren har tidlegare også vore omtala som *Eivindsplassen* og *Brøtin.* Namnet *Eivindsplassen* kjem sannsynlegvis av at *Eivind Hansson* frå Rustebakke og kona hans, *Jøren Jonsdotter,* budde her ei tid i siste delen av 1700-talet. Dei er ikkje direkte nemnde under Skarasetren, men sonen Anders er kalla Skarasetre då han gifta seg i 1778. I 1740- til 60-åra er Eivind og Jøren nemnde under Tronhus, sjå Tronhuseige. Tidlegare brukarar kjenner me ikkje. Namet *Joplassen* kjem frå Jon Gulson frå Grimsrud, som hadde plassen som livaursbruk til han døydde i 1818. I kjeldene ei tid deretter er plassnamnet skrive «Jonseplassen».

I 1798 selde Simen og Ola Arnesøner i Skarasetren denne garden til Ellend Sjugurdson. Simen heldt då att Eivindsplassen, slik plassen var inngjerda og alltid hadde vore brukt, to engesletter med høylyur, noko skog, og skulle ha felles hus med garden på Liabekksetren.

Simen Arneson Skarasetre f 1754 g 1. m *Olea Olsdotter.* Barn:

1. Siri f 1781.
2. Arne f ca. 1788 d 1801 kan vera frå dette eller neste ekteskap.

Simen Arneson g 2. m *Maria Gunnarsdotter.* Barn:

1. Ola f 1794, venteleg den Ola Simenson Skarasetre som reiste til Kristiania i 1820, 26 år gamal.
2. Simen f 1797.
3. Kari f 1899.

Simen og Maria var husmannsfolk ved folketeljinga i 1801, men i 1804 budde Simen på ein stad under garden Haneval i Asker, sjå Skarasetre 47/2.

Simen Arneson selde Eivindsplassen til *Arne Arneson Hellandshølen* f 1778 g 1802 m *Kari Mikjelsdotter Skaratn,* Skaroeige, f 1775 d 1850 på Stanfinnmarken. Då Arne selde Eivindsplassen i 1803, var han kalla Langøydgarden. Barn:

Arne f 1803 d 1832 som husmannsson i Steinseterlien.

Kari Mikjelsdotter g 2. 1825 m *Ola Erikson Steinsetereige,* sjå Liabekklie 52/4.

Arne Arneson selde Eivindsplassen i 1803 for 348 rd. til *Kristafer Sjugurdson Langøydgarden* gm *Anne Mikjelsdotter Tronhuseige,* sjå Tåmåsbrøtin under Tømto. Same dag selde Krista-

fer skogen som tilhøyrde plassen, til kammerherre Peder Anker.

Etter stemning til forlikskommisjonen selde Arne Mikjelson Skarasetre og Kristafer Sjugurdson Evindsplassen i 1804 eigedomane sine til *Simen Arneson Haneval,* sjå ovafor, som hadde odelsrett. Simen selde i 1805 Skarasetre og Eivindsplassen til *Jon Gulson Hellandshølen,* som seinare same år selde Skarasetre til Embrek Arneson Øyhus. Ved salet heldt Jon unna Evindsplassen som livaursbruk.

Jon Gulson skulle ha plassen, no kalla *Brøtin,* slik m.a. Kristafer Sjugurdson sist hadde brukt han, med to engeslette sør for plassen. Gardbrukaren skulle skaffe kona til Jon, Ingrid Arnesdotter, fri hest til kyrkja to gonger i året, og stelle krøtera på plassen på sumarsetra mot betaling.

Jon Gulson Grimsrud f 1749 d 1818 som husmann i Joplasse g 1774 m *Ingrid Arnesdotter Skarasetre* f 1748 d 1827. Jon Gulson åtte Hellandshølen bruk II 1780—94.

I 1843 vart Joplassen utskild frå Skarasetren. Delet skulle gå etter gamle gjerde og merke etter «eldgammelt bruk». Innafor området til Joplassen låg ein annan plass, Leiteplassen, som skulle høyre til seljaren. Joplassen var seld for 100 spd. av Harald Arneson Skarasetre til *Anders Andersson Lundatn,* som fekk skøyte i 1844. Anders var gm *Anne Kristafersdotter Stanfinnmarke,* sjå Smedmoen 50/23. Dei er nemnde på Stanfinnmarken i 1837, men under Skarasetren, rimelegvis i Joplasse, i 1840. I 1846 kjøpte Anders eit areal som gjekk inn i Joplassen, Tåmåsbrøtin, utskild frå nedre Storøydgarde, av Embrek Håvårdson.

Anders Andersson selde i 1849 for 100 spd. til *Hølje Kristaferson Vilhelmsbrøtin,* Gunhildbrøtin under Hølersetren, f 1810 d 1892 g 1857 m *Anne Olsdotter Håvårdsonplassen* f 1832 d 1920. Hølje åtte Vilhelmsbrøtin 1837—56. Barn:

1. Siri f 1857 gm Ole Arneson Kjensrud — «Ola Skogstad» — sjå Solhaug 40/3.
2. Kristoffer f 1858 d 1860.
3. Inger f 1863 gm Jon Jonson Klemmetsrud, til Amerika.
4. Kristoffer f 1866.
5. Olea f 1869 gm Ole Olson, sjå Hagin 42/7.
6. Anton f 1873 gm Karen Mathea Antonsdotter Gottenborg, sjå Hagin 42/7.

I 1855 selde Hølje Kristaferson for 160 spd. til *Mikjel Bårdson Ølmhus,* som selde attende til *Hølje* i 1857 for 150 spd.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 3 mål noko bratt åker og dyrka eng, 25 mål slåtteland, frå Tåmåsbrøta kom 3 skippund høy, og dei lauva 500 kjerv. I 1865 hadde dei 6 naut, 4 sauer, 1 geit, og sådde 1 tønne bygg og 1 tønne blandkorn.

I 1886 selde Hølje Kristaferson til *Erik Olson Komperud,* som i 1888 selde til *O.M. Øvergaard. Erik Joplassen* fekk skøyte att i 1916, men var brukar heile tida.

Erik Olson Komperud f 1852 d 1925 g 1887 m *Gunhild Mathea Johansdotter Halset,* Nordre Land, f 1850 d 1922. Barn:

1. Anna f 1887 d 1966 gm Olaf Antonson Milevasslien, budde på Bøverbru.

Johan Erikson Joplassen f 1889 med hesten «Blesen» i Skaro.

2. *Johan* f 1889, neste brukar.
3. Gunhild f 1893 gm Rolf Julius Eriksen, Lier, som var sliperiarbeidar i Bagn.

Ved skiftet etter Erik Joplassen i 1925 fekk sonen *Johan Erikson Joplassen* f 1889 d 1974 skøyte, g 1923 m *Anna Nilsdotter Komperud* f 1901 d 1969. Barn:

1. *Erik* f 1923, neste brukar.
2. Nils f 1925.
3. Martin f 1928 gm Tora Jenny Gunderhuset, sjå Nybråtån i Hedalen.

Erik Joplassen f 1923 d 1974, eigar frå 1962, g 1950 m *Karine Gunderhuset,* Nybråtån i Hedalen, f 1931. Barn:

1. Agnes f 1951 d 1985 gm Arne Oddvin Åmodt, Etnedal, busette der. Dei hadde sonen Erik Oddvar f 1974.
2. *Johan* f 1953, neste eigar.
3. Torleif f 1958 gm Åse Karin Bråten, Etnedal, sjå Heimsyn 47/30.
4. Erland f 1961, kjend felespelar. Faren Erik og farfaren Johan spelte også og laga feler.
5. Mattias f 1963.
6. Kåre f 1966.

Johan Joplassen f 1953, eigar frå 1982, g 1973 m *Bjørg Øibakken,* Etnedal, f 1955. Barn:

1. Eli Anita f 1973.
2. Kai Olav f 1975.

Joplassen har 25 da. dyrka jord på moldjord og myr, og 120 da. skog. Namn i innmarka er *Halle, Nybrøtet* og *Myre. Tåmåsbrøtin* er no hamnehage oppe i skråninga på den andre sida av vegen.

Våningshuset med årstalet 1878 på pipa er restaurert fleire gonger. Nytt våningshus 1981—82. Uthuset er frå før hundreårsskiftet. Fjøset vart restaurert i 1986. Erik Olson og sonen Johan oppførte eit stabbur av den gamle badstugu. På sørsida av vegen står ei gamal smiu. I ei dokk ovafor tunet er spor etter tomter.

Heimsyn bnr. 30

Bustadhus oppført 1981—82. Her bur *Torleif Joplassen* f 1958 gm *Åse Karin Bråten,* Etnedal, f 1958. Barn:

1. Laila f 1979.
2. Yngve f 1982.
3. Ann-Kristin f 1986.

Leiteplassen bnr. 7

Dei fyrste kjende husmannsfolka i Leiteplasse vest for Joplasse, er *Ola Mikjelson Storøydgarden,* Skaroeige, f 1782 d 1862 i Leiteplasse g 1808 m *Ingebjørg Arnesdotter,* mogleg frå Humleberg under Kyrkjebjørgo og f 1777, d 1871. Ved skyldsetjinga av Joplassen i 1843 heiter det at Leiteplassen var festa til Ola Mikjelson, og skulle framleis høyre under Skarasetren. Barn:

Ingebjørg f 1808, neste husmannskone.

Mikkjel Arneson Storøydgardseige, Skjerstein, f 1805 g 1835 m *Ingebjørg Olsdotter Skarasetereige* f 1808. Dei er nemnde på Storøydgardseige 1836, i 1842 og -47 er bustaden kalla Lønnlie, men sonen Arne var kalla Leiteplassen då han gifta seg i 1853. Barn som me kjenner:

1. Arne f 1832 g 1853 m *Ingebjørg Monsdotter Liabekklie* f 1830. Dei fekk i 1852 sonen Martin, og reiste til Amerika i 1853.
2. Ingebjørg f 1836.
3. Ola f 1842.
4. Inge Matea f 1847.

I 1865 var *Trond Olson Bagnslie* og *Beret Knutsdotter Storøydgarden* husmannsfolk i Leiteplassen, og er nemnde her også i 1866, sjå Bagnslie.

Trond og Beret hadde i 1865 2 naut, 3 sauer, 5 geiter, og sådde 1/2 tønne bygg og 1 tønne poteter.

Kristafer Kristaferson Ølmhuseige, Gunhildbrøtin under Hølersetren, f 1821 d 1895 i Leiteplasse g 1847 m *Ågot Gulsdotter Åseneige,* Nybrøtin 55/2, f 1823 d 1903, budde i Leiteplasse i 1875 og var husmannfolk framover. Dei er før nemnde i Tronsplasse 1848—55, i Nybrøta 1858 og -60 og på Garthushaugen 1862. Barn:

1. Inger f 1848 gm Ola Olson Sørflatdokke.
2. Kristian f 1850 g 1879 m Siri Ellingsdotter Øylund f 1854, dotter til Elling Andersson Norddalen, Norderhov, og Ragnhild Olsdotter Snuggen. Dei fekk i 1879 sonen Kristoffer, og reiste til Amerika i 1881.
3. Anne f 1853 d 1889.
4. Kari f 1855 d 1886.
5. Gunvald f 1858 d 1861.
6. Johan f 1860.

7. Gunhild f 1862 gm Ole Arneson Kirkebakken, Etnedal, busette der. I Leiteplasse fekk dei sønene Kristian f 1887 gm Marit Nilsdotter Dokken, Nord-Aurdal, sjå søre Vøll 32/7, og Anton f 1889.

Hallvor Jeremiasson Flugubrøtin, Plassen 38/8, f 1842 g 1866 m *Kari Håkensdotter nørdre Rugbrøtin* f 1825 d 1908, kjøpte Leiteplassen i 1897 etter skylddeling same år. Dei er nemnde på Jukamseige — Kleivabrøtin — 1867, på Brakaeige 1872, i London under Sørbøen 1875 og var i Skarabrøta ved folketeljinga 1891. Barn:

1. *Ingrid* f 1867, neste eigar.
2. Hans f 1872 d 1872.

I 1926 var *Ingrid Halvorsdotter* eigar, og selde til mannen sin, *Halvor Bjørnson Moen,* sjå Hagatn 12/27.

I 1930 selde Halvor Bjørnson Hagene til *Olav Nilsson Komperud* f 1903 g 1930 m *Klara Mathilde Martinsdotter Tørhaug,* Etnedal, f 1906 d 1986. Barn:

1. Anne Torine f 1931 gm Reidar Stugård, Hedalen.
2. Martin f 1935, sjå Føsselykkja 40/7.
3. *Ove* f 1944, eigar frå 1970, gm Astrid Fossbråten, Leira, busette på Biri.
4. Milfrid f 1947 gm Bjørn Koppervik, bur i Lunner.

Leiteplassen har ca. 20 da. dyrka jord, som Olav Komperud har opparbeidt, og 80 da. skog. Olav og Klara Mathilde Komperud har bygt på våningshuset og uthuset, og har bygt nytt stabbur.

Liamyre bnr. 8

Liamyre var opphaveleg ei myr på 5 mål som *Thorvald Lien* i nørdre Langedragslien kjøpte frå Skarasetren for å få stemmerett. Thorvald var ein av dei mange «myrmenn» som under den aukande politiske interessa mot slutten av førre hundreåret skaffa seg matrikulert jord for å kunne delta i val. Før allmenn stemmerett for menn vart innført i 1898, var valdeltaking avgrensa m.a. til dei som hadde eigedom. Ved hjelp av billig, men nokså verdlaus myrjord, kunne ein innfri det formelle kravet.

Skøytet til Thorvald Lien vart tinglyst i 1897 i samband med skylddelinga same år. Thorvald sette opp ei stugu på Liamyren, men budde ikkje her sjølv. Det gjorde derimot broren Ole ei tid før han flytta til Sveingjerdet i Land.

På Liamyren budde nokre år *Andreas Trondson Berget* f Bakkatn, Nord-Aurdal ca. 1845 d 1921 g 1896 m *Kristine Olsdotter nørdre Langedragslie* f 1853 d 1925. Kristine budde ein stund åleine på Liamyren, men døydde på Høystad.

I 1927 selde Thorvald Lien Liamyre til fattigvesenet i Bagn. Sidan vart *Erling Evenson Rundbråten* f 1890 d 1966 eigar, gm *Lovise Elton,* Nordre Land, f 1893 d 1982. Dei budde fyrst ein vinter i Liabekklien, flytta til søre Håvårdsonplassen i 1917 og i 1922 til Liamyre. Erling Rundbråten var skogsarbeidar. Barn:

1. Jens f 1915 gm Gunbjørg Øyhus, sjå Fredheim 56/12.
2. Einar f 1918 gm Kari Lien, sjå Lauvstad 56/11.

3. Margit f 1920 gm Alf Andersen, Oslo.
4. Leif f 1923 gm Tonetta Garli, Hedalen.
5. Kirsten f 1927, sjå Bjørke 47/27, gm Egil Blad, Bergen d 1970.
6. *Kåre* f 1932, neste eigar.

Kåre Rundbråten f 1932, eigar frå 1973, gm *Elsa Karin Lien* f 1941. Barn:

1. Ruth Helene f 1980.
2. Elin Merete f 1981.

Liamyre har 11 da. innmark, men ikkje skog. Dei hadde dyr til etter at Erling døydde — 2 kyr, 1 kvige og 3—4 sauer. Då Erling og Lovise Rundbråten kom, stod ei stugu her. Erling bygde uthus, som vart rive då sonen Kåre bygde nytt bustadhus, ferdig i 1979. Nytt uthus 1974.

Bjørke bnr. 27

Tomt utskild frå Liamyren til *Kirsten Blad* f Rundbråten 1927, Liamyre 47/8, gm *Egil Blad,* Bergen, d 1970. Barn:

1. Sidsel Gudrun f 1962.
2. John Erling f 1964.

Skarasetereige

Anders Kristaferson Leikebakke f 1764 g 1790 m *Tora Arnesdotter Kyrkjebjørgo,* Humleberg 35/3, f 1768, var husmannsfolk under Skarasetren i 1801. Dei er elles nemnde på Leikebakke 1792, på Storøydgardseige 1794, på Skarasetereige 1798, på Leikebakke 1803 og -09 og på Skjersteineige 1806. Barn desse åra:

1. Ingebjørg f 1792.
2. Guri f 1794.
3. Anne f 1798.
4. Marit f 1803.
5. Siri f 1806.
6. Marit f 1809.

Ola Olson gm *Beret Hansdotter* er nemnde på Skarasetereige 1831—35, men i Sveriplasse 50/32 frå 1841, sjå der.

Skaratn, ukjend bustad

Tore Skaratn fekk fleire barn i åra etter 1700, og er i 1704 også nemnd på Stanfinnmarken. Barn som me kjenner:

1. Kari f 1702.
2. Marit f 1704.
3. Ellend f 1713 d 1718.
4. Siri f 1715.
5. Ola f ca. 1716.
6. Anne f 1719.
7. Jøren f 1719, tvilling med Anne.

Dølve

Skulekrinsen Dølve har fått namn etter Dølvesbygde med dei mange spreidde og dels einslege bruka i skoglia på vestsida av Begna. Opphavleg høyrde dette området under den gamle garden Dølve. Namnet Dølvesbygde blir brukt om alle gardsbruka frå Juve øvst oppe ved Islandselve og ned til dalbotnen. I sør blir grenda avgrensa av Islandselve, og går i nord til Plassaåsen. Plassaåsen, som nok har namn etter tre plassar som alle heitte Bjødnsplassen, høyrde også inn under den gamle Dølveseigedomen. Kambabygde er eit nyare namn på den nedre delen av Dølvesbygde. Til skulekrinsen Dølve høyrde også nokre gardar på austsida av elva: Leitegardane, Sørli og Lindelie, og på vestsida Sparkevik nord for og Lundebygde sør for Dølvesbygden.

Den eldste kjerrevegen gjennom dalen gjekk ikkje lengre opp enn til Islandsmoen. (Olaus Islandsmoen i Valdres 24.4.1942.) Etter 1800 kom det veg langs dalbotnen frå Islandsmoe til Sparkevik, bru over elva ved Sparkevik, og veg vidare nordover på austsida til Øystre Bagn. Rett over for nørdre Leite, mellom Hanseslettet og Slimsa, låg *Steinbrue,* ein steinfylling over eit ulende eller ei vik i elva. Steinbrue kom bort ved seinare vegarbeid. Under storflaumen i 1860 gjekk Sparkevikbrue med. Då vart det «sunding» — båt og sundmann — over elva ved Sparkevik.

Ingvar Koppervik f 1898 d 1982 la ned heile arbeidskrafta si som lærar i Dølve krins, frå 1925 til 1966, og virka til beste for bygda. Til Dølve kom han etter fyrst å ha vore lærar i Reinli og Stavadale. Ingvar Koppervik var med på å byggje opp Bagn Bygdesamling, og var medlem av styret der i 50 år. I 1978 fekk han den fyrste kulturprisen i Sør-Aurdal.

På Lagmannshauge på åsen mellom Dølve og Vestre Bagn ligg denne store grensesteinen. Namnet Lagmannshaugen går nok attende til lagtingssaka som vart halde her i 1711, om grensa mellom Dølve og Vestre Bagn. Ola Ellingson Dølve hadde i 1709 fått ein underrettsdom imot seg, men stemna grensesaka inn for lagtinget. 29. juni 1711 vart retten sett, «på høyeste åsen», heiter det i rettsreferatet, under leiing av viselagmann i Kristiania lagdømme, assessor i overhoffretten og sorenskrivar i Gudbrandsdalen, Henrik Jakobsen Schmit.

Før det var laga framkomeleg veg nordover langs dalbotnen, gjekk ferdsla frå Islandsmoe opp gjennom Dølvesbygde, over Plassaåsen og vidare til Vestre Bagn. Frå Dølve og oppover over Plassaåsen heiter det gamle vegleiet framleis *Bygdavegen.* Ned berga til Islandsmoen gjekk *Hestevegen* for ridande og for kløvhestar. Det blir fortalt at bonden på Dølve kosta murar på denne vegen, som framleis syner. I *Kallebrøta* sette Dølvesbonden ned ein husmann som skulle krevja inn skatt av alle ferdafolk, seier segna. Ein snøggare stig ned til Islandsmoen gjekk gjennom *Klevet,* og heitte *Beinstigen.* Frå Dølve vart tømmeret som skulle fløytast, køyrt så langt det gjekk an og deretter rent ned *Renna* i Seterbakko.

Kring 1908—10 gjekk grenda saman om å lage betre veg opp bakkane. Fleire som nytta vegen til seterdrift, var også med. Arbeidet vart gjort på dugnad, og det vart halde «vegbasarar» for å skaffe pengar. Fyrst i 1932 vart vegen sett i stand den siste delen gjennom *Bakomberg,* der høge murar og fjellsprenging måtte til. Vegen var så bra at det var framkomeleg med bil. Hausten 1958 kom arbeidet med ny grendeveg i gang, men det tok åtte år å få han ferdig.

Dølve (Dølven)

Gamalt matrikkelnr. 158, gamal skyld 1 hud 4 skinn.
***1838:* Nytt matrikkelnr. 45, ny skyld 11 dalar 4 ort 9 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 48, skyld 37 mark 13 øyre.**

Høgt oppe i dalsida vest for Begna, 485 m o.h., på brekka i sørhallet mot Islandselven, ligg den gamle garden Dølve. Jorda er brattlendt og skarp, men drivande. Ikkje langt unna går den gamle vegen over åsen, der ferdafolk tok seg fram gjennom lange strekningar med skog og øydemark. Denne vegen mellom Valdres og breibygdene på Austlandet må ha lege der alt då dei fyrste mennneskja kom til Sør-Aurdal, som har gjennomgåande yngre gardar enn øvre Valdres. Det er ikkje urimeleg at ferdsla etter åsvegen var årsak til at folk tidleg fann fram til den solvarme bakken der Dølve vart bygd. I dag, då hovudvegen går nede i dalbotnen, ligg Dølve derimot noko avsides.

Gardsnamnet Dølve kjem av *Dǫlvin,* ei samansetjing av *dalr* og *vin,* og tyder beint fram *Dalgarden.* Namnet høver godt til lægjet. *Dǫlvin* er eit utbreidt namn på Austlandet, og har gjennom lang språkleg sliping i uttalen vorte til ulike namneformer som t.d. Dælen, Dæli, Døle og Dolve.

I Sør-Aurdal er Dølve det einaste gardsnamnet med etterlekken *vin,* ei namneklasse som vanlegvis høyrer til dei eldste alderslaga i busetnaden. Som stadnamn har professor Magnus Olsen tolka *vin* som naturleg — ikkje oppdyrka — grasslette, som det var hugnad å sjå for dei som kom med beitedyr. Tolkinga inneber at gardar med vin-namn ikkje er av dei aller eldste i ei bygd, men vart rydda ut frå allereie eksisterande busetnad etter fyrst å ha vore nytta som hamne. Ser me på Dølve frå denne synsstaden, er spørsmålet kva for eldre busetnad som tok i bruk grasgangen oppe i åsen. Professor Mikjel Sørlie finn det truleg at Dølve er den yngste utlauparen av den gamle busetnaden lengre vest (T.V.H. 1958 s 46). Dette verkar sannsynleg, anten no ryddinga skjedde frå Øystre Bagn eller Reinli.

For ei meir nøyaktig tidfesting finst få haldepunkt, ettersom *vin* gav opphav til gardsnamn over ein lang periode. Men det er vanleg å rekne vinnamna som eldre enn namn samansette med *staðir.* Den siste gruppa høyrer i hovudsak til vikingtida — frå 800 e.Kr. og framover — ei tid prega av til då ukjend individualisme og såleis med mange personnamn som fyrste samansetjingslekk, nett slik som i Erstad — *Eiriksstaðir* — i Vestre Bagn. Vinnamna har aldri personnamn eller personkarakteristikkar som fyrstelekk, derimot sume tider gudenamn. Me kan difor temmeleg sikkert gå ut frå at Dølve er frå tida før 800, og kan hende har røter i eldre jarnalder, rekna fram til 600 e.Kr.

At busetnaden er gamal, fortel også fleire gravrøyser ved garden frå førkristen tid — minst fire, etter arkeolog Wenche Slomann i 1979. I 1942 vart også opplyst om to gravrøyser ved skulen nede i dalbotnen. Desse sistnemnde røysene har neppe hatt tilknyting til gamal busetnad på staden, men var

Dei to våningshusa på Dølve sett ovanfrå. Ute på gardsplassen køyrer Reidar Dølven høyrive. I bakgrunnen øvre Brenne.

nok lagde her av andre grunnar. Jordfunn i Dølve er eit stykke flint, funne på tunet, som rimelevis stammar frå før det vart fast busetnad, ei hakke som Universitetets Oldsaksamling har vurdert til å vera seinast frå mellomalderen, men som også kan vera mykje eldre, ein pilespiss av jarn, funnen på tunet, og ein liten kvernstein, om lag 30 cm i tverrmål, også funnen på tunet.

Dølve går opp frå Begna i aust, grensar i nord mot Hesthaga og Sørflaten, i vest mot Sørflaten og noko lengre sør, i Grånlien, mot Brattrud, og i sør mot Øyhus.

Ola Ellingson Dølve, som brukte Dølve frå slutten av 1600-talet, låg fleire gonger i strid med grannane sine nord i Vestre Bagn om skogdelet.

I juni 1697 hadde Ola Dølve innstemna Hallstein Bjørnson øvre Sørflate og dei to sønene hans, Bjørn og Tåmås, samt Tore Tronrud, Ola nedre Sørflate, Barbro Velingsrud og Eivind, Hølje og Ola Brattrud for ulovleg hogst. Dei vart forlikte om at Ola Dølve som før skulle nytte skog og mark, seter, hogst og hamne m.v. frå garden Dølve til det høgste på åsen. Hallstein Sørflate og etterkomande brukarar skulle ha eigedom frå Sørflaten i sør og opp på «Syllehofde». Frå høgste åsen og ned til Sørflate og kringliggjande gardar var alt som før felles for Skar, Erstad, Torsrud, nørdre Brattrud, Tronrud, Sørflatgardane, Kollsgard og Velingsrud.

I september 1709 hadde Ola Dølve innstemna Ola Torsrud, Gudbrand Brattrud, Hallstein Sørflate, Tore Tronrud, Elling Erstad og Arne Skar for imot eldgamal hevd og oppretta kontrakt å ha kome inn i eigedomen hans med sagtømmerhogst, såvel i heimsetermarka som i heimteigene, slik at skogen var ganske øydelagd. Fleire vitne vart avhøyrde. Domen fastslo at delestadene Ola hadde nemnt — som Kattuglhaugen, Fuglehaugen og Islandsjuve — ikkje berre kunne avgrense skog som høyrde Dølve til. Dei andre gardane kunne ikkje

utelukkast frå skogen vest for Islandsjuvelven, for vest for områda som Ola hevda høyrde Dølve til, fanst ikkje skog. Arresten på tømmer Ola Torsrud og Gudbrand Brattrud hadde avvirka, vart oppheva. Dette var hogge langt vestafor den høgste åsen, nemnd i kontrakten frå 1697.

Ola Dølve anka domen, og stemna saka inn for lagtinget. 29. juni 1711 vart retten sett på høgste åsen, tett ved «Stigersteinen», under leiing av viselagmann i Kristiania lagdømme og sorenskrivar i Gudbrandsdalen, Henrik Jakobsen Schmit. Her vart det inngått ein kontrakt mellom partane om delet. Det må vera etter denne saka i 1711 at «Lagmannshaugen» mellom Dølve og Vestre Bagn har fått namn.

Men i juni 1714 var det ny sak på Dølve fordi Ola Ellingson hadde innstemna samtlege brukarar i nedre Reinli — Vestre Bagn — for å ha hogge ein del sagtømmer imot kontrakten frå 1711. Veret var ikkje slik at retten kunne koma til åstadene, og saka vart utsett.

I 1835 inngjekk alle oppsitjarane under Dølve kontrakt om mark, skog og hamne.

Under Storofsen med regn, jordskred og flaum sumaren 1789 vart det gjort stor skade både på hovudbøla og på fem plassar. På hovudbøla til Knut og Ola vart 5 hus bortskylde, 2 mål åker og 15 mælingar eng heilt øydelagde, 5 mælingar eng øydelagde i tre-fire år, og skaden taksert til 500 rd. I Dølvesdokken vart 2 hus bortskylde, 2 mælingar eng heilt øydelagde, 1 1/2 mål åker øydelagt i tre-fire år, og skaden taksert til 80 rd. På Moe — Islandsmoe — vart 6 hus bortskylde av flaum og skred, 1 mål åker og 5 mælingar eng heilt øydelagde, og skaden taksert til 150 rd. I Dølvesbrenn vart 2 hus bortskylde, 1/4 mål åker og 4 mælingar eng heilt øydelagde, og skaden taksert til 80 rd. I nørdre Dølvesetren vart 2 mål åker og 4 mælingar eng heilt øydelagde, og skaden taksert til 150 rd. Og i søre Dølvesetren vart 1 hus bortskylt, 4 mål åker og 5 mælingar eng heilt øydelagde, 6 mål åker øydelagt i fire-fem år, 3 mælingar eng øydelagd i lang tid, og skaden taksert til 300 rd.

Etter å ha lege nede under øydetida, kom Dølve på nytt i drift heilt mot slutten av 1500-talet eller kring hundreårsskiftet.

Alt etter nokre tiår var garden komen såpass i hevd at det var tenleg å trekkje areal andre stader inn i drifta. I ei tid då dei fleste gamle gardane enno stod folketome, var det mest nærliggjande å søkje hit. Øydegardane vart fyrst og fremst brukte som beiteland og til slått. Arne på Dølve tok iallfall i bruk øydegarden «Tronhus øde», som det går fram av ei jordebok i 1616. Dette kan ha vore Åsen, som før også var kalla øvre Tronhus, men vel helst Tronhus i dalbotnen. Etter jordeboka i 1616 og seinare betalde Arne Dølve bygselavgift for bruk av kronegods. Åsen høyrde krona til, men krona hadde også ein part i Tronhus, som son til Arne seinare overtok. Dessutan finst ei segn om at Dølve skal ha hatt Ølmhus som utslått. Det gamle namnet på Ølmhus var *Helmhus,* seier segna, av di det stod ei lyu her som Dølve hadde halm i. Men dette er ei språkleg mistyding av namnet Ølmhus, sjå der.

I leilendingskatten frå 1680 er også oppført eit engeland, eller slåtteland, under garden — «Dølven engeland» — seinare kalla *nedre Dølve.* Skylda var 4 skinn. Kva slags eigedom kan dette vera?

Bak nemninga *engeland* på 1600-

talet skjuler det seg oftast øydegardar eller øyde bruk av ein gard. Til berre eit slåtteland å vera har «Dølven engeland» mistenkeleg høg skyld. 4 skinn er meir enn t.d. Velingsrud i Vestre Bagn, som berre har 2 skinn, men er ein sikker rud-gard frå gamalnorsk tid. I tillegg var engelandet oppfatta som ei eining for seg. Ved skiftet på Dølve i 1721 er opplyst at nedre Dølve var kjøpt i 1677 frå brukarar på Øystre Bagn, sjå skiftet etter Ola Ellingson og Siri Guttormsdotter. Også namnet *nedre* Dølve viser at parten var ei avgrensa eining. Til saman peiker dette mot at nedre Dølve kan ha vore ein særskild del eller eit bruk av Dølve i mellomalderen. Det er ikkje urimeleg om fleire brukarfamiliar fann livsgrunnlag på den gamle garden.

Løysinga på problemet *nedre Dølve* kan vera den staden som er kalla *Ner-Dølve*. På høgda nedafor tunet, der *Ner-Dølvesknatten* ris opp, er det merke etter eit gamalt tun. Her er fleire tomter etter hus, og åkerreiner og steinrøyser. Det finst også vatn, og så seint som imot 1900 synte ein tømra brønn. Til slutten av 1800-talet var *Ner-Dølve* brukt som slåtteland. Folk i grenda nytta tunet til danseplass og som samlingsstad, mogleg til 1870-80-åra. Den runde danseplassen syner enno.

Leivningane etter tunet på *Ner-Dølve* viser at det iallfall budde folk her i nyare tid. Skriftlege kjelder peiker i same lei. Nokre tiår frå 1720-åra hadde Dølve to oppsitjarar: brørne Guttorm, som selde til ein brorson, og Ola Olsøner. Guttorm er nemnd som Guttom *øvre Dølve,* nedre Dølve er nokre gonger i dette tidsrommet kalla *plassen* nedre Dølve. Her budde mogleg Ola og familien hans. Eit anna spørsmål, som det heftar større uvisse ved, er om tunet på *Ner-Dølve* også kan ha vore i bruk etter delinga av garden i 1764, sjå nedafor om delinga.

Etter oppattryddinga vart Dølve skattemessig klassifisert som øydegard. Tiende *1661:* 3/4 tønne bygg, 1/2 setting rug. Matrikkel *1667:* Det er skog til husbehov. Dølve er pålagd å dyrke rydningsland og opparbeide humlehage. Matrikkel *1723:* Dølve har skog til husbehov, kan hogge 5—6 tylfter sagtømmer av gran årleg. Skogen kan med tida vekse til, men er no nesten uthoggen. Det er to setrar der ein kan avle 5—6 lass høy, flaumkvern og to husmenn. Jordarten er måteleg. Garden ligg i høgda og er temmeleg årviss for kornet. Matrikkel *1761:* Tre husmenn, størstedelen av pengane til skattar og utgifter kjem frå skogen. Matrikkel *1782:* Seks husmannsplassar.

Spreidde ikring i skoglia, i fyrste rekkje nordafor Islandselven og nedafor det gamle hovudbølet, vart mange plassar rydda, dei fleste så tidleg som utover 1700-talet. Storparten er utskilde som sjølveigarbruk, slik at matrikkelgarden Dølve omfattar mange bruksnummer.

Frå 1720- til -40-åra hadde Dølve to oppsitjarar. Då er det tale om *øvre* og *nedre* Dølve. I 1764 vart garden delt mellom to brør, kvar del med ei skyld av 8 skinn. Den eine halvparten var det gamle hovudbølet, nedafor kalla Dølve bruk I, og den andre halvparten nørdre Dølve eller Kamben.

På *Dølve bruk I* skjedde i åra like etter 1800 ei rekkje handlar. Ein vesentleg del av skogen vart fråseld i 1803, det same galdt skogen under

Kambe, som gjekk inn i dei seinare såkalla Greveskogane. I 1806 vart Dølvesmarke bnr. 4 fråseld bruk I. Herifrå vart Juve bnr. 29 utskild i 1895. Ved handlar i 1809 og -10 vart resten av det gamle hovudbølet samla att, og i 1835 delt i Dølve bnr. 1 og 2. Frå bnr. 2 vart Dølvesbrøtin bnr. 19 frådelt i 1886, og seinare fleire areal. Resten av bnr. 2 og Dølvesbrøtin høyrer no saman med Dølve bnr. 1. Dølvesbrenne vart skyldsett frå Dølve i 1809, og delt ved skylddeling i 1822. Etter noko bytehandel vart den gamle plassen Brenne til øvre Brenne bnr. 14 og nørdre Brenne bnr. 15.

Nørdre Dølve eller *Kamben* vart delt i øvre og nedre Kamben i 1818. Frå *øvre Kambe* vart Sørei bnr. 26 utskild i 1891. Løvstad bnr. 38 vart utskild frå Sørei i 1916 og Søreng bnr. 44 i 1925. Løvstad er no ein del av bruket Haugli på Plassaåse. Frå øvre Kambe kom vidare Skaret bnr. 27 og Køll bnr. 30 i 1893, og Skoglund bnr. 43 i 1922. Skoglund var den tidlegare plassen midtre Bjødnsplassen eller Kambaplassen. Skoglund og Løvstad utgjer ein eigedom med namnet Haugli i daglegtale.

Søre Dølvesetre bnr. 11 kom frå *Kambe,* og var sjølveigarbruk seinast frå 1830. I 1888 vart plassen nedre Bergatn utskild frå søre Dølvesetren som bnr. 20. Den gamle plassen Bergatn, seinare øvre Bergatn bnr. 3, som låg dels under Dølve bruk I og dels under Kambe, vart skyldsett i 1834. I 1919 vart den tidlegare plassen nedre Bjødnsplassen utskild frå øvre Bergo som Bjørnstad bnr. 39. Plassen Køldokke bnr. 7 vart skyldsett frå Kambe i 1811. Herifrå vart Skørre bnr. 8 utskild i 1824 og Dokkebakkatn bnr. 9 i 1830. Frå Dokkebakko vart nedre Dokkebakkatn bnr. 17 og øvre Dokkebakkatn bnr. 18 utskilde i 1889. Dei to sistnemnde bruksnumra høyrer no til søre Torsrud, det fyrstnemnde til Køldokke.

Nørdre Dølvesetre bnr. 10 og Islandsmoen bnr. 12 var eigne bruk under Dølve alt kring midten av 1700-talet. I 1809 vart Islandsmoen skyldsett.

Setrar 1935, med avstand heimanfrå: Dølve bnr. 1 og 2: Grånlie, 3 km. Dølvesmarke bnr. 4: Grånlie, 2 km. Dølveskamben og Bergatn bnr. 5: Skrikkarvøllatn, 9,5 km. Nørdre Dølvesetre bnr. 10: Tobakkbrenne, 4 km. Søre Dølvesetre bnr. 11: Tobakkbrenne, 4 km. Islandsmoen bnr. 12: Svartsetre, 4,5 km. Dølvesbrenne bnr. 14: Svartsetre, 3,5 km. Dølvesbergatn bnr. 20: Tangehølet, 7 km.

I setertraktene Grånlie og Tobakkbrenne er mange merke etter jarnblåstring, med slagg og milegroper. På setra til Dølve finst eit spett smidd av myrmalm.

Den fyrste kjende husmannen under Dølve er nemnd i skiftet etter Ola Ellingson og Siri Guttormsdotter i 1721. Kona til *Sjugurd Godvinson* hadde vore tenestejente på Dølve. Sjugurd kravde på vegner av henne resten av løna og klede, tilsaman 4 rd., samt 4 rd. for arbeidet sitt med rydding og bygging på eit husvære på eigedomen til Dølve. Sjugurd Godvinson er før nemnd på Brattrud, og døydde i 1731 på plassen Ranangen under Brattrud, sjå der.

Dei eldste plassane me med visse kjenner, er nørdre Dølvesetre og Islandsmoen nede i dalbotnen. Frå kring midten av 1700-talet var brukarane her

eigarar. I dalbotnen låg også søre Dølvesetre, som er yngre som sjølveigarbruk. Sønnafor Islandselven låg Brenne, no to bruk — øvre og nørdre Brenne. Sønnafor Kambe låg den eldste plassen Bergatn, seinare øvre Bergatn, rydda før 1800. Nedre Bergatn kan vera teken opp nokre år etter 1800. Køldokke nordvest for Kambe vart skyldsett i 1811, medan plassane Køll og Skaret i lia ovafor Køldokken vart utskilde i 1893. Køll har lenge vore nedlagd. Lengst oppe i Islandsdale låg den gamle plassen Juve, utskild i 1895. Dølvesbrøtin opp for Dølve var plass til 1886, deretter sjølveigarbruk og no lagd inn under Dølve. I skogen nordvest for Dølve låg den vesle plassen Knatten, nedlagd for lengst. På Plassaåse øvst og lengst nord i Dølvesgrenden låg iallfall tre plassar med namnet Bjødnsplassen — nedre, midtre og nørdre. Den eldste, nedre Bjødnsplassen, som må vera frå før 1800, er no bruket Bjørnstad. Midtre Bjødnsplassen eller Kambaplassen er i dag ein del av Haugli.

I Islandselven var det kvernar. Segna seier at ei kvern ovafor *Geiteføsse* vart teken av flaum, og at kvernsteinane skal liggje i gryta midt nede i den høge fossen. Ei anna kvern stod lengre opp, nesten oppe ved haustsetra Vøllatn. Rester av dammen til denne kvernа kom bort i flaum for nokre år sidan.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	4	19	23

	Bondefolk	Tenestefolk	Husmannsfolk	Handverksfolk	Arbeidsfolk	Fattigfolk	Andre	
1782	17	3	23				10	53
1801	15	3	46			1	1	66
1865	55	7	56	6	4	4	4	136
1900	109	3	7	5	1	2	6	133

Husdyrhald, utsæd og avling 1657—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1657	2	11	22			
1667	1	8	15	2 1/2		
1723	2	22	19	6		
1761	3	22	32	6	25	27 lass
1782	2	20	40	8	36	60 lass
1866	5	78	183	37 7/8 korn	244 1/4	566 skpd.
				62 1/4 poteter	362	

Eigarar

Dølve har vore i bondeeige så langt attende me veit.

Bruk og husmannsplassar

Den eldste skriftlege kjelda om Dølve er eit diplom frå Skrautvål i 1346, nokre få år før Svartedauden fór over landet og gjorde veldige innhogg i folkesetnaden. Helge Hvatson, prest på Åbol — i Skrautvål — og Eirik Audunson kunngjorde då at dei var med som vitne då sønene etter Narve på Berge — i Skrautvål — skifta jordegods seg imellom. Erik og Torstein Narvesøner fekk 4 månadsmatsbol i Berge, og *Lodin Narveson* 5 månadsmatsbol i Dølve — «i Doluin» — til odel og eige. (Meir om diplomet i Årbok for Valdres 1973 s 130 ff.) Lodin Narveson var gift med ei *Sigrid*. Sume har vilja halde Lodin Narveson for å vera den «Dølveshovdingen» det har gått fråsagn om. Men det er nok tvilsamt om minnet om ein lokal storbonde overlevde den lange øydetida. Det gjer ikkje saka enklare når tradisjonen fortel at Aslak Hallvorson Brattrud, som brukte søre Brattrud i fyrste delen av 1700-talet, låg i stadig strid med «Dølveshovdingen». I det sistnemnde tilfellet viser rettssaker at «Dølveshovdingen» er Ola Ellingson Dølve. Olaus Islandsmoen meiner at folketradisjonen sannsynlegvis tek feil, og blandar saman den eldre sagnfiguren «Dølveshovdingen» med den langt yngre Ola Ellingson. (Søre Aurdal og Etnedalen s 125.) Det er òg hevda at «Dølveshovdingen» er Arne Bjørnson Dølve.

Korleis det enn gjekk med Lodin og Sigrid, kom Dølve til å stå øyde og folketom under nedgangstida. Ved omtakseringa av øydegardar i 1595 er Dølve — «Dolfuinn» — nemnd blant nyleg opprydda øydegardar, og skulle betala 1 album i frelse.

Rydningsmannen på Dølve etter øydetida må ha vore han som i landskattelistene frå 1612 er kalla Arne. I futerekneskap og jordebøker for Aurdal er han berre nemnd som Arne Dølve. Men andre skriftlege kjelder frå Hallingdal viser at han heitte *Arne Bjørnson* og var frå Hallingdal.

Arne Bjørnson Dølve var død før 1655. Då var arvingar oppførte som eigarar av jordegods i Tronhus. Kona hans heitte *Siri Mortensdotter*. Etter ei rettssak om Dølvesgodset i 1687 mellom arvingar og ei sak om Fønnhus i 1694, kjenner me fylgjande barn, truleg alle, til Arne og Siri:

1. *Guttorm,* eldste son, f ca. 1604, neste brukar.
2. Anders, mogleg gm Dorte Ellendsdotter, sjå Tronhus.
3. Bjørn, yngste son, sjå Øyhus.
4. Ragnhild d før 1687 gm Nils Johanson Åsen. I 1687 er opplyst at Ragnhild hadde to døtrer etter seg: Helga, den eldste, og Kari Nilsdøtrer. Helga var gm Jakob Knutson Åsen, og stesonen Pål Jakobson Åsen møtte på vegner av Helga og systera hennar i arvesaka i 1687.
5. Guri gm Ola Gunnarson Ølmhus.

I tradisjonen har Arne Dølve også vore kjend som den rike «Dølveskallen». Segna seier at den fyrste mannen på Ølmhus var gift med ei dotter til «Dølveskallen». (Søre

Aurdal og Etnedalen s 136.) Tek me atterhald om at dette ikkje gjeld mellomaldergarden Ølmhus, men etter øydetida, ser segna ut til å stemme. Etter den same segna åtte «Dølveskallen» jorda frå Dølve til Tollevsrud, og i andre samanhenger blir fleire gardar nemnde for å vise kor omfattande jordegodset var.

I nokon mon kastar samtidige kjelder ljos over tradisjonen om jordeigaren Arne Dølve. Det er rett at Arne åtte jord fleire stader i Sør-Aurdal. I manntalet over odelsbønder 1615—16 er han oppført som eigar av 2 huder i Dølve og 1 hud i Torsrud, i alt 3 huder. Skylda for Dølve er seinare på 1600-talet derimot rekna som 1 hud. Av fleire årsaker kan skylda for ein eigedom vera lægre i eldre enn i yngre kjelder. Den høge skylda i 1615 har nok difor ei anna årsak. Truleg er forklaringa at noko omfattar gods i andre gardar. Ei sak i 1687 gjer fleire opplysningar. Arvingar etter Arne Bjørnson Dølve, blant dei sonesonen Mikjel Andersson Tronhus, hadde då reist sak mot Ola Ellingson Dølve om deling av odelsgodset. Etter forlik vart resultatet dette: Ola Ellingson skulle ha hovudbølet Dølve, gjennom åsetesretten til kona Siri Guttormsdotter. Mikjel Tronhus fekk halvparten eller 2 skinn i Tronhus. Bjørn Arneson Øyhus fekk 2 skinn eller halvdelen i Fønnhus. Arne Olson Ølmhus på vegner av mora Guri Arnesdotter fekk halve eller 2 skinn i Ølmhus, og Pål Jakobson Åsen, arving etter avlidne Ragnhild Arnesdotter, fekk seg utlagd 1 1/2 skinn jord i Dølve. For denne sistnemnde parten skulle Ola Ellingson anten svara landskyld eller betala arveoppgjer i pengar. I 1706 hadde Ola Ivarson Ølmhus og Arne Andersson Tronhus stemna Ola Ellingson av di han brukte nokre plassar som saksøkjarane meinte dei hadde krav på i arv etter Arne Dølve. Meir om denne sistnemnde saka er ikkje kjent.

I jordeboka 1616 betalar *Tord Dølve* 5 album i frelse i tillegg til Arne. Tord er ført i skattelistene til 1626, men det er uvisst kven han var.

Eldste son til Arne Bjørnson, *Guttorm Arneson* f ca. 1604, er nemnd fyrste gong i 1627. Guttorm er i skattelistene dels ført saman med faren, men står som brukar åleine frå 1644, og er siste gong nemnd i 1679. I matrikkelen 1667 og nokre få år deretter er ein *Ola* nemnd saman med Guttorm.

Det einaste barnet til Guttorm Dølve me direkte kjenner, er dottera *Siri* f ca. 1641 d 1721. Siri var g 1. m Lars Timannson. Dei hadde dottera Beret gm Sjugurd Høljeson Åbjør. Deretter gifta Siri seg opp att med *Ola Ellingson* f ca. 1637 d 1721. Dei vart brukarar på Dølve etter Guttorm Arneson. Då arvingane etter Arne Bjørnson i 1687 reiste sak om deling av odelsgodset, fekk Ola og Siri hovudbølet Dølve av skyld 1 hud. Ola er i landskattelistene nemnd fyrste gong i 1680. Men i 1677 kjøpte han nedre Dølve, og budde vel truleg då på Dølve.

Av skiftet etter Ola og Siri i 1721 går det fram at Siri også må ha hatt ei syster. Siri arva 6 skinn i garden etter foreldra, heiter det, og dei andre 6 skinna hadde Ola Ellingson kjøpt. Dette kjøpet skjedde i 1688. Ola overtok då 3 skinn frå Ola Olson Garthus, venteleg søre Garthus, for 30 rd., og 3 skinn frå Per Østenson Sørum på vegner av kona Marit Olsdotter, også for 30 rd. Ola Garthus seier i skøytet at parten han sel var arv etter mor hans. Det kan vanskeleg tolkast annleis enn at Dølve ved skiftet etter Guttorm Arneson vart delt i to arveluter, kvar på 6 skinn. Ved odelssaka om Fønnhus i 1694 heiter det direkte at Siri er *eldste* barn til Guttorm Arneson. Den yngre systera må då ha vore mor til Ola Garthus og

Marit Sørum. Barn til Ola Ellingson og Siri Guttormsdotter:

1. *Ola* f ca. 1666, brukar ei tid.
2. Elling gm Beret Olsdotter, sjå søre Torsrud. Elling opplyste i 1715 at han no i fem år hadde brukt Erstad saman med broren — Ola.
3. *Guttorm* mogleg f ca. 1674, neste brukar.
4. Arne gm Rangdi Ivarsdotter, sjå Sparkevik 34/6.
5. Gjartrud g 1. m Pål Knutson Framgarden, sjå Framgarden bruk II, g 2. m Tøstein Hallsteinson, sjå Framgarden bruk III.
6. Olaug f ca. 1669 gm Knut Bjørnson Stugarden.

Ola Ellingson Dølve var ein framfus og myndig bonde som ikkje gjekk av vegen for rettssaker. I tvistane om skogdelet mellom Dølve og oppsitjarar i Vestre Bagn, sjå ovafor om grenser, var det kvar gong Ola Dølve som reiste sak. Men, ser det ut til, ikkje så mykje for å verja som for å styrke interessene sine. I ei tid der grensene i utmarka enno ikkje var fast opptrukne overalt, galdt det for Ola helst om å auke eigedomen.

Den same iveren er det truleg som kjem til syne i ei grensesak i 1709 om delet mellom Erstad og søre Vøll. Ola Dølve hadde selt søre Vøll til Knut Vøll. No hevda Ola at Knut hadde teke seg inn på Erstad, som Ola åtte. Knut forsvara seg ved å vise til eit brev frå 1627 om at delet mellom øydegardane lille Vøll — søre Vøll — og «Skolland» under Erstad skulle vera frå ein bekk som renn ned i elva. Vitne forklarte at her stod eit gjerde, som var heldt som dele mellom Erstad og Vøll. Dette gjerdet hadde Ola Dølve flytta den tida han brukte både Erstad og søre Vøll. Men Ola påstod at delet skulle fylgje gjerdet han hadde sett. Retten godtok ikkje denne påstanden, og Ola tapte saka.

Ved innleiinga til arvesaka om godset etter Arne Bjørnson Dølve i september 1687, kunne Ola Ellingson ikkje leggje fram skøyte og domsbrev om eigedomen. Desse var i Kristiania hjå visestatthaldar Høeg, av di Ola hadde klaga over Mikjel Andersson Tronhus «for hans lettferdige munns skyld». Å stemne til bygdetinget for ærekrenkjande tale, var temmeleg vanleg i tida. Men å rette slike klagemål til høgre hald i statsstyringa, var heller sjeldsynt. Ola Ellingson var nok ikkje den som stillteiande beit ukvemsord i seg.

Men då Timann Gullikson Torsrud og lensmannen Lars Erikson Strønd hausten 1689 rauk opp i slagsmål på Dølve, måtte Ola Ellingson gripe inn og vera fredsmeklar. Timann og Lars var ikkje nådige mot kvarandre den gongen, sjå søre Torsrud.

Ola Ellingson Dølve samla seg mykje jordegods, og vart litt av ein bygdematador. Ved eit gavebrev i 1706 delte Ola og Siri jordegodset mellom barna: Den eldste sonen Ola og kona skulle ha Erstad av skyld 10 skinn. Sonen Elling og kona fekk søre Torsrud av skyld 1 hud. Sonen Guttorm, som var ugift, fekk 1 hud i Austegarde med 1 skinn i underliggjande Stavadalen engeland. Sonen Arne og kona fekk Høve av skyld 2 huder. Dottera Gjartrud og mannen Tøstein Hallsteinson Kollsgard fekk 1 hud i Høve, og dottera Olaug, gift med Knut Bjørnson Stugarden, fekk 100 rd., den same summen dei hadde innløyst Stugarden med.

Skiftet etter Ola og Siri i 1721 fortel om velstand. Nokre bøker fanst også: Ein hus- og reisebibel, ein gamal postill og tre gamle, utslitne bøker. Bruttoverdet av buet var 1373 rd. og nettoverdet 1235 rd. Alle arvingane var ikkje nøgde med delinga av jordeigedomen i 1706. Difor vart barna einige om å la skifteretten taksere alt på nytt, slik at kvar kunne få utlagd det han eller ho tilkom på arveluten sin. Pengane systrene hadde fått, skulle tilbakeførast til buet.

Jordegodset vart verdsett slik: 1. 1 hud i Dølve — 300 rd. 2. Nedre Dølve av skyld 4 skinn hadde Ola Ellingson kjøpt for 33 rd. av Inger (Inge) Bagn og sonen hennar, Ola Gudbrandson — på nedre Bagn bruk II — etter ei forretning av sorenskrivar Bent Pedersen i august 1677. Lennert Johanson Torsong, som var til stades, meinte at nedre Dølve ikkje burde inngå i arvedelinga. Han hevda å ha odelsrett på vegner av kona si, Beret Nilsdotter, dotter til Nils Olson Austegarden, og ville straks krevja innløysing. 3. Erstad 10 skinn, etter lagmannsdom i 1680, vart taksert for 200 rd. 4. Skar 1 skinn, etter den same lagmannsdomen i 1680, 100 rd. 5. 1 hud i Torsrud, etter skøyte i 1689, 150 rd. 6. For 1 hud og 1 skinn i Dagfinnsgard i Austegarde, etter skøyte i 1660 frå Arne Embrekson Kulterstad med fleire, skal vore gjeve 50 rd., men verdet vart no sett til 100 rd. 7. 1/2 hud i søre Brattrud, kjøpt av Laurits Lauritsen i 1685, vart sett til 50 rd. Som avtala vart jordegodset utlagt i arveluter.

Etter Ola og Siri overtok sønene Guttorm og Ola. I 1723 er dei båe oppførte som brukarar. Guttorm hadde alt vore brukar ei tid. På skiftet i 1721 opplyste han å ha vore hjå foreldra i 17 år, teke seg av dei i alderdomen deira samt å ha drive garden. For dette fekk han 60 rd. Broren Ola er nemnd på Austegarde i 1703 og -08, og var sidan på Erstad før han kom til Dølve.

Guttorm Olson Dølve mogleg f ca. 1674 og mogleg d 1748 på Vøll g 1721 m *Kjersti Sindresdotter* d 1773 på Erstad. I 1717 fekk Guttorm sonen Harald med Siri Embreksdotter, som var tenestejente på Dølve. I 1737 kjøpte Guttorm halve nedre Dølve, 2 skinn, av andre arvingar. Guttorm selde delen sin i Dølve og nedre Dølve til brorsonen Arne Olson i 1742. Barn til Guttorm og Kjersti som me kjenner:

1. Siri f 1722 g 1. m Ola Tåmåsson Skar, sjå Erstad bruk A, g 2. m Alv Sjugurdson Leistrud, g 3. m Tore Olson Tronrud, sjå midtre Leistrud 22/8 dei to siste gongene.
2. Kari f 1733 gm Sjugurd Ivarson Erstad, sjå Iljanstad.

Ola Olson Dølve f ca. 1666 d 1753 på Dølve g 1703 m *Gunhild Ivarsdotter.* I 1750, medan båe levde, skifta dei midelen etter seg. Bruttoeiga var 220 rd. og nettoeiga 114 rd. Odelsgodset i Dølve og nedre Dølve i høve til arveluten til Ola på skiftet i 1721, var tilsaman 8 1/2 skinn 1 mål 11 stenger og 5 1/11 alen. Av delen i hovudbølet ville dei sjølve som livaure bruke 3 skinn, som sonen Arne seinare skulle ha. Sonen Ivar Olson sa at garden hadde vorte mykje forbetra den tida foreldra brukte han, slik at jordegodset måtte bli taksert for kva det var verdt. Barn:

1. *Arne* f 1703, neste brukar.
2. Siri f 1708 d 1782 på Dølve, ugift.
3. Ivar f 1712 gm Sesel Mattisdotter, sjå nørdre Dølvesetre 48/10.
4. Gjartrud f 1716 d 1739.
5. Guri f 1719 d 1739.
6. Ragnhild f 1723.

Arne Olson Erstad (Dølve) f 1703 d 1764 g 1731 m *Marit Tøsteinsdotter,* «Legve» under Erstad, f 1705 d 1756. Arne kjøpte halve Erstad eller 5 skinn av farbrørne Elling Olson Torsrud og Arne Olson Sparkevik i 1729, og var brukar ei tid på Erstad. I 1742 kjøpte han det farbroren Guttorm Olson åtte i Dølve og nedre Dølve, 6 1/2 skinn, for 300 rd., og flytta venteleg då til Dølve. Ved skiftet etter Marit i 1756 var bruttoeiga 1073 rd. og nettoeiga

502 rd. Buet åtte på dette tidspunktet heile Dølve og nedre Dølve eller 1 hud 4 skinn. I tillegg til dei 6 1/2 skinna Arne åtte frå 1742, hadde han overteke alt godset etter foreldra, 8 1/2 skinn m.v., dels ved å løyse ut sysken, og tilforhandla seg resten av garden. I 1725 fekk Arne dottera Johanne med Barbro Amundsdotter. Barn til Arne og Marit:

1. Marit f 1730 d 1739.
2. *Ola* f 1732 gm Beret Gudbrandsdotter Bagn, sjå øvre Dølve.
3. *Sjugurd* f 1734 g 1. m Beret Andersdotter Garthus, sjå nørdre Dølve, g 2. m Anne Mikjelsdotter Tronhus, sjå søre Dølvesetre 48/11.
4. Gunhild f 1738 gm Ivar Olson Lundatn, sjå Islandsmoen 48/12.
5. Marit f 1741 gm Hans Olson Koparvike, sjå Dølveseige.
6. Rønnaug f 1744 g 1769 i Aurdal m Tøstein Nilsson Landmark. Dei fekk dottera Mari på Roo i 1769.
7. Tøstein f 1746 gm Kari Hallvorsdotter, sjå nørdre Dølvesetre 48/10.

Ved skiftet etter Arne Olson i 1764 overlet eldste sonen Ola Arneson halve garden til broren Sjugurd. Dølve vart vurdert til 1000 rd., og kvar av brørne skulle betala 500 rd. Dette blir opplyst i odelssaka om nørdre Dølve (Kamben) frå 1793. Kvar fekk då 8 skinn.

Fleire sider ved delinga i 1764 er uklåre. I odelssaka i 1793 blir det gjort greie for eigarrekkjefylgja på den gardparten stemninga galdt. Domen viser til denne framstillinga. Men eit makeskifte i 1783 er også nemnt. I 1796 fortel vitne meir om makeskiftet i samband med at saka var anka til lagtinget. Det skulle ha skjedd våren 1783 mellom Ola Arneson og eigaren av den andre halvdelen, Knut Olson. Dei bytte berre hus, jord og eigedom innangjerdes, medan utmarka med skog, hamne og setrar hadde kvar som før.

Me veit at Kamben var hovudbøle for den eine gardparten, Kamben eller nørdre Dølve, seinast frå midten av 1780-åra. Då er eigaren her kalla Knut Kamben. Det høver bra med tidspunktet for makeskiftet i 1783. Kan hende innebar delinga i 1764 at båe garddelane fyrst hadde innmark og hus ved det gamle hovudbølet. Makeskiftet i 1783 kan då ha gått ut på at Knut fekk Kamben som nytt hovudbøle, medan det tidlegare tunet og innmarka hans gjekk inn i Dølve.

Nedafor er Ola Arneson ført under det gamle hovudbølet, kalla Dølve bruk I, slik situasjonen iallfall var etter 1783.

Dølve bruk I (Øvre Dølve)

Ola Arneson Dølve f 1732 d 1794 g 1761 m *Beret Gudbrandsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk II, f 1737 d 1823. Barn:

1. Mari f 1761 gm Anders Olson Nedrebøen, sjå Dølveseige.
2. *Arne* f 1762, neste brukar.
3. Kari f 1765 gm Ola Olson Nedrebøen, sjå Kyrkjebjørgeige.
4. Marit f 1767 gm Svein Trondson Bjørgoeige, i 1801 husmannsfolk under Bjørgo.
5. Gudbrand f 1769 d 1770.
6. Ola f 1771 gm Tøren Knutsdotter Dølve, sjå Dølvesbrenne.
7. Gudbrand f 1773 d 1774.
8. Gunhild f 1775 gm Gudbrand Toreson Skaret i Stavadale.

9. Ola f 1778, kalla «Litengut» for å skilja han frå den eldre broren Ola, g 1. m Marit Eriksdotter Dølve, g 2. m Gjartrud Olsdotter Nedrebøen, sjå båe gonger Dølvesmarke 48/4.
10. Gudbrand f 1782 d ung.

I 1791 selde Ola Arneson halve garden eller 4 skinn til eldste sonen Arne for 400 rd. Ved skiftet etter Ola i 1794 var bruttoeiga 869 rd. og nettoeiga 598 rd. Dei 4 skinna i Dølve var takserte for 650 rd.

I 1791 vart også fastsett livaure til Ola og Beret, som ikkje skulle svarast så lenge dei brukte halve garden. Livauret skulle i hovudsak vera 8 tønner stritt bygg og røkt og stell av 1 ku og 3 småkrøter.

Arne Olson Dølve f 1762 d 1822—24 g 1790 m *Tora Gudbrandsdotter Sørum* f 1771 d 1846. Barn:

1. Ola f 1792 gm Kari Hansdotter Jukam, sjå Islandsmoen 48/12.
2. Marit f 1793 gm Ola Olson Lundoeige, sjå Søreng 50/30.
3. Beret f 1795 d 1815 på Dølveseige.
4. Kari f 1797 gm Anders Mikjelson Tronhuseige, sjå nedre Tronhusseterbrøtin.
5. Lisbet f 1799.
6. Gunhild f 1802 gm Bjørn Bjørnson Ølmhus, sjå Storsvelykkja.
7. Gudbrand f 1805 g 1. m Tora Hallvorsdotter Øyhuseige, g 2. m Inger (Inge) Eriksdotter Klovutn, sjå Juve 48/29.
8. Arne f 1807.
9. Gudbrand f 1810 mogleg gm Gjartrud Eriksdotter Bjødnaskaret. Han kan også vera den Gudbrand Arneson Storsvee som i 1847 fekk dottera Tora med Kari Olsdotter Massingmoen. Tora gifta seg 1. m Anders Haraldson Åseneige, sjå Moen 55/7, g 2. m Lars Gunnarson Ivarsbrøtin, sjå Hauglund i Seterbygden. Syster til Gudbrand, Gunhild, var i Storsvelykkjun.
10. Tora f 1813.
11. Beret f 1816.

Arne Olson vart den siste brukaren av den gamle slekta på Dølve. Økonomisk gjekk det utfor bakke. Sjølv etter å ha vunne ei odelssak på vegner av sonen Ola, klarte han ikkje å halde på garden. P.g.a. gjeld såg han seg tvungen til å stykke opp og selja unna — for å ta vare på ein del av godset for sonen, som det heiter i nokre skøyte — inntil han i 1809 måtte avhende siste resten. Arne tykte lite om lagnaden sin, har det vore fortalt, for på Dølve hadde dei vore rike og velståande. «Kanans land», heitte det på folkemunne. Tradisjonen seier at Arne enda dagane sine i ei lita stugu nede ved Islandselve, og skulle ha livnært seg med treskjering. Men dette er neppe rett. Arne kjøpte til sist Dølvesbrenne, der Tora hadde livaure som enkje. I 1824 vart Arne omtala som avlidne Arne Olson Dølvesbrenne.

Alt i 1798 må vanskane ha byrja å melde seg. Då pantsette Arne halve garden eller 4 skinn som brukeleg pant i 18 år til broren Ola Olson d.e. I 1800 overdrog Ola d.e. pantet til broren Ola d.y. Pantepengane var 1199 rd. Arne hadde teke unna ei lita seter, nørdre Setre, til halvdelen sin. Husa på den pantsette gardparten var den nedre stugu, det nedre stabburet, den nedre stallen, to lyur, fire lyur i utslåttane og halvdelen av låven. I 1798 pantsette Arne også

setra nørdre Grånlie som brukeleg pant i 16 år til Narve Olson Dølve for eit lån på 30 rd.

I 1802 makeskifta Arne Olson garden for 499 rd. mot 6 1/2 skinn i Bagn, Tamburgarden, for 300 rd. med *Ola Olson Bagn*. Ola Olson selde i 1803 skogen under øvre Dølve for 1300 rd. til kammerherre Peder Anker, som samstundes kjøpte skog under nedre (nørdre) Dølve. Skogane vart skyldsette i 1806, skogen under øvre Dølve for 2 2/3 skinn.

I desember 1804 stemna Arne Olson Ola Olson Bagn, som no brukte Dølve, med odelssøksmål og krav om innløysing på vegner av sonen Ola Arneson. Arne grunngav stemninga med at han etter makeskiftet i 1802 ikkje hadde fått gods han var trygg for. Tamburgarden var odelsgodset til Ola Dølve, meinte Arne, og makeskifta Tamburgarden difor i 1802 mot nørdre Leitet. Men ved dom i juli 1804 fekk ein brorsøn til Ola Olson rett til å løyse inn Tamburgarden frå dei nye eigarane, Arne Hermannson og Mikjel Reiarson. Difor kravde no Arne Olson å få ta over Dølve att mot at han overlet Leitet til dei førre eigarane. Ved dom i oktober 1805 fekk Arne medhald.

Men ved tre sal alt i 1806 selde Arne Olson størstedelen av Dølve. Til broren Ola Olson d.y. selde han 1 skinn eller Dølvesmarke for 600 rd. Arne Ivarson Dølve kjøpte 2 skinn for 1260 rd., og Ola Ivarson Dølve også 2 skinn for 980 rd. I 1809 selde han resten av garden, 1 skinn, for 2000 rd. til Mikjel Reiarson Bagn. Arne tok unna ein liten setervoll på nørdre Grånlien. — Plassane Islandsmoen og Dølvesbrenne var i 1809 skyldsette for 1/2 skinn kvar.

I 1809 kjøpte Arne Olson søre Leitet, som han selde i 1813. I 1810 kjøpte han plassen Dølvesbrenne.

Arne Olson måtte oppgje og stykka ut Dølve. Mikjel Reiarson Bagn klarte derimot å samle storparten av det gamle hovudbølet. I 1810 kjøpte Mikjel parten til Ola Ivarson for 1840 rd., og same år parten til Arne Ivarson for 1460 rd. Det vart teke omsyn til skylda for den fråselde skogen, slik at kvar part no hadde ei skyld av 1 1/3 skinn. Saman med det eine skinnet Mikjel Reiarson hadde kjøpt av Arne Olson, vart den nye skylda då 3 2/3 skinn.

Mikjel Reiarson Bagn, nedre Bagn bruk Ib, f 1759 d 1819 gm *Anne Hallsteinsdotter Rustebakke* f 1762 d 1837. Ved skiftet etter Mikjel Reiarson i 1819 var bruttoeiga 1385 spd. og nettoeiga 1341 spd. Barn:

1. Reiar f 1782 d 1782.
2. Reiar f 1784 d 1786.
3. *Reiar* f 1786 gm Dorte Tåmåsdotter Skar, sjå Dølve 48/1.
4. Anne f 1789 gm Knut Olson Klauvrud, sjå Bakkatn 12/1.
5. Anne f 1791 gm Harald Tåmåsson Skar.
6. Åse f 1795 d 1797.
7. *Hallstein* f 1797 g 1. m Barbro Mikjelsdotter Fønnhus, sjå Dølve 48/2, g 2. m Ingebjørg Alvsdotter Tronrud, sjå nedre Koparvike 50/4.
8. Åse f 1800 gm Harald Olson Velingsrud.
9. Kari f 1803 d 1822.

Etter Mikjel Reiarson overtok sønene Reiar og Hallstein. Dei fekk skifteskøyte på kvar sin halvdel av garden i 1835, bnr. 1 og 2, kvar for 600 spd. Ved skylddelingsforretning i juni 1835 opplyste brørne at far deira tidlegare hadde selt garden, og at dei no skulle frå heimelsbrev av skifteforvaltaren. Etter delinga låg jorda i teigblanding, men vart utskifta i 1883 og ved overutskifting i 1884.

Dølve (Dølven) bnr. 1

Reiar Mikjelson Dølve f 1786 g 1813 m *Dorte Tåmåsdotter Skar* f 1789 d 1861. Barn:

1. *Mikjel* f 1814, neste brukar.
2. Tåmås f 1816 gm Anne Olsdotter Langedrag, sjå Skarasetre 47/2.
3. Reiar f 1819 gm Dorte Olsdotter Langedrag, sjå Skaratn 47/1.
4. Anne f 1822 gm Mikjel Larsson Klauvstad, sjå Tordebrøtin 54/4, til Amerika.
5. Harald f 1824 d 1824.
6. Eli f 1825, til Amerika 1849, g der m Gudbrand Olson Tronrud.
7. Kari f 1832, til Amerika 1851.
8. Harald f 1835 d 1835.
9. Hans f 1835, tvilling med Harald, d 1836.

Mikjel Reiarson f 1814 d 1888 kjøpte garden av faren i 1841 for 350 spd., g 1. 1839 m *Olea Jakobsdotter søre Garthus* f 1812 d 1860. Ved skiftet etter Olea, slutta 1861, var bruttoeiga 1063 spd. og nettoeiga 491 spd. Barn:

1. Anne Dortea f 1840 d 1840.
2. Dortea f 1841.
3. Tora f 1844 d 1846.
4. Anne f 1846 d 1847.
5. Tora f 1846, tvilling med Anne, d 1848.
6. *Reiar* f 1848, neste brukar.

Mikjel Reiarson g 2. 1863 m *Marit Arnesdotter nørdre Øyhus* f 1829 d 1915.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 23 mål god åker og dyrka eng, 100 mål magert slåtteland, frå utmark og setrar kom 21 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, og dei lauva 1000 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 10 naut, 12 sauer, 10 geiter, 1 gris, og sådde 1/8 tønne rug, 6 tønner blandkorn, 1/8 tønne erter og 4 tønner poteter.

Mikjel Reiarson selde i 1874 for 200 spd. til sonen *Reiar Mikjelson* f 1848 d 1927 g 1873 m *Inger Marie Olsdotter øvre Koparvike* f 1853 d 1939. Barn:

1. Mikael f 1873, kjøpmann, g 1. m Inger Bertine Olsdotter Garthus, g 2. m Berte Olsdotter Hagen, sjå båe gonger Fjelltun i Bagn.
2. Marit f 1875 gm Ole Sveinson Thorsrud, sjå nedre Torsrud 30/2.
3. *Olaus* f 1877, neste brukar.
4. Olea f 1880 f 1880 gm Martin Trondson Islandsmoen.
5. Karine f 1882 gm Kristoffer Andreasson Lundene, sjå nørdre Lundatn 50/11.
6. Dorthea f 1884 d 1930, sydame.
7. Anna f 1886 d 1983.
8. Reidar f 1888, kjøpmann på Jevnaker, g 1. m Jenny Holte, Tønsberg, g 2. m Constanse Haug, Toten.
9. Inga f 1891 gm Olav Olson Øylund, sjå Dølvesbrøtin 48/19.
10. Arne f 1894, funksjonær ved Ekebergbanen, gm Signe Evensen, Stange.
11. Jesper f 1897 d 1898.

I 1875 vart fylgjande hus branntakserte: 1. Eit våningshus med bordtak. 2. Ein låve med flistak. 3. Eit stabbur med flistak. 4. Ein stall med bordtak. 5. Eit fjøs med bordtak. 6. Eit bryggerhus med bordtak. Etter kartet frå utskiftinga mellom bnr. 1 og 2 i 1883 fanst: Fjøs, stall, eldhus, smiu, sauehus, låve, stabbur og våningshus. Dei fire fyrstnemnde husa måtte flytjast. Likeins ei lyu i *Kallebrøta*. Nede i jordet stod

Våningshuset på Dølve, bygt i 1778, som vart bomba av tyskarane i 1940. Frå venstre ved hjørnet Finn Dølven, på trappa Hans Dølven f 1854 og Martin Dølven f 1862. Biletet er frå 1929, då Hans og Martin skulle i gravferd etter Ole M. Kamben.

ein låve som Mikjel Reiarson hadde med seg frå nedre Bagn då han kom til Dølve om lag 1809. Denne var i tre lengder, og bar merke etter å ha vore treskjelåve. Låven var i bruk som utmarkslyu på nedre Dølve til om lag 1945.

I 1911 selde Reiar Mikjelson til sonen *Olaus Reidarson Dølven* f 1877 d 1929 g 1908 m *Kari Olsdotter Tronhus* f 1887 d 1959. Barn:

1. *Reidar* f 1909, neste brukar.
2. Ola f 1913, kjøpmann på Fagernes, gm Ingebjørg Haslene, Reinli.
3. Ingrid f 1914 d 1932.
4. Karine f 1920 gm Olav N. Bergene, sjå nørdre Hellandshølen 54/12.
5. Olaug f 1925 d 1985 gm Anders Rognstad, Raufoss.

Reidar Olausson Dølven f 1909, brukar frå 1930, heimelsoverføring 1960, g 1937 m *Ragnhild Hermansdotter Leite,* nørdre Leitet 49/1, f 1913. Barn:

1. *Mikael* f 1949, neste brukar.
2. Kari f 1950 gm Hans Martin Grimsrud.
3. Ola f 1955, lærar på Gjøvik, gm Mari Stenseth, Romedal.

Mikael Dølven f 1949, brukar frå 1977, gm *Reidun Ingebjørg Milo,* Øystre Slidre, f 1948. Barn:

Kai Reidar f 1974.

Dølve bnr. 1 hadde opphavleg ca. 30 da. brattlendt, men drivande dyrka

jord. Husdyrfôret vart henta frå utslåttar og setra, medan jorda heime vart nytta til korndyrking. Det vart også avla lin, og til slutten av 1920-åra fanst ein velstelt humlehage. Ein av dei gamle utslåttane, på ca. 20 da., er no kulturbeite. I 1937 kjøpte Reidar Dølven resten av bnr. 2, som etter kvart hadde vorte redusert gjennom frådelingar. Dølvesbrøtin bnr. 19 er også slått saman med bnr. 1. Med desse areala har garden no 80 da. dyrka jord og 25 da. kulturbeite. I tillegg kjem arealet på setra. Skog og utmark er 2400 da. Hausten 1978 vart bygt skogs- og seterveg frå garden til Veståsvegen ved Juvesetre.

Martin Dølven f 1862 fortalde om jordarbeidet på Dølve: «Når dei pløgde sidelengs i bakkane her, vendeplog var ikkje komen endå, så hadde dei ein høgre- og ein vinstreplog. Ein gjekk ved sida og bar den eine, og så bytte dei plogar ved enden av fora. Slik kunne det pløgjast både fram og tilbake.»

Den gamle gardsvegen kom inn på tunet mellom to rognetrær — «Rauneleet».

Namn utanom innmarka: Like ved husa er *Sjåhaugen. Kallebrøtin* er eit gamalt slåtteland. Herifrå går Hestevegen nedover forbi *Tøsteinsskuten.* Nedover mot *Harameiningen* ligg *Steinhalle.* Andre namn er *Stegahaugen* og *Stegahaughølet,* medan *Bakhalle* ligg nedover frå Sjåhauge mot Ner-Dølve. Dei meir flate slettene har vore kalla *Markjo.* Herifrå går *Beinstigen* ned til dalen. Halvegs er *Klevet.* Her stod det stige før det vart utskote i fjellet. Slåttar var det nærast *Klevet,* vidare i *Meisedale, Køldale* og i *Helvetesdalo.* Det var tre Helvetesdalar: *Skreodal'n, Torebakkin* og *Brennadal'n.* I den sistnemnde gjekk ein beinveg til

Slåttonn nedafor husa på Dølve kring 1920. Jenny og Inger Dølven med river, til høgre Olaus Dølven.

Brenne. I *Eikrehøle* var ein skåle som stod til 1912. *Lutebjørkbakkin* hadde slåtteland langt nedover. Her var også eit dyrka jordstykke der det skal ha vore teke to mogne kornavlingar same året.

Segna seier at nokre folk freista å busetja seg nedunder *Lutebjørkbakka,* i hengebratta med berghufs og Islandselve nedafor. Plassen skal ha heitt *Bårdebrøtin.* Mannen og kona dreiv og onna, er det fortalt, og hadde lagt ungen sin i ei grop i berget. Då tok ungen til å trille ned mot Islandselven. Mannen tok kuten, og greidde å fange ungen. Men då flytta dei.

Ovafor *Lutebjørkbakka* er *Storebakkin* med eit jordstykke og lyu. Her er så bratt at dei ofte måtte gå i hoseleisten om sumaren for å kunne slå. Oppe i *Vassteinmyren* vart det slått storr. Oppover frå *Markjo* er *Gullsidal'n.* Ovafor *Stabbehauge* i skogen ligg *Mattismyre* i *Stormyrlien.*

Namn på åkrar: *Eikra,* nedst i jordet, er no tilplanta. *Storåker'n* hadde bnr. 1 og 2 kvar sin del av. *Kallåker'n, Badstuguåker'n* og *Svenskeåker'n* låg nedst i *Sege.* Øvst i Sege låg *Nepelendet. Kålhagin* låg ved Vassteinbekken, sørvest for husa. Ovafor bekken er *Følafoten* med eit lite åkerstykke, her tok nyvegen det meste. På *Smiuvølle* er merke etter smiutomt og kolmile. *Træet* har tomt etter sumarfjøs.

Stugu som er nemnd i 1875, vart truleg oppsett av Mikjel Reiarson ca. 1810. Stabburet som vart rive i 1924 og erstatta av eit nytt på same tomta, var svært gamalt. Det var bygt i to høgder med to rom i kvar høgd, og hadde svalgang med trapp til andre høgda. Låven som er nemnd i branntaksten 1875, vart oppsett 1870—72. Fjøset og stallen vart flytta så dei stod i lengd med låven.

26. april 1940 sleppte tyskarane ei bombe midt i gardstunet. Eksplosjonen reiv låven sund. Av ei lita kårstugu frå om lag 1905, oppsett der det nye våningshuset står no, var berre eine veggen att. Dei andre husa vart stygt ramponerte. Ny låve måtte byggjast same sumaren. Fjøset vart vølt, og nytt fjøs i betong og teglmur bygt inntil låven i 1949. Nytt bingefjøs til 30 dyr vart bygt inntil det gamle fjøset i 1983. Nytt våningshus vart bygt i 1941. Ved overslag i ny transformator i februar 1951 tende høgspentstraum eld på huset, som brann ned. Arbeidet med nytt våningshus på same tomt tok til same året. Huset var ferdig i 1952. Eit gamalt våningshus frå ca. 1810 vart restaurert og påbygt til dobbelt lengd i 1980. Elles finst eit stabbur frå 1924, eit stabbur frå ca. 1870—75 og fleire mindre hus.

Til setra i Grånlien sørvest for Dølve, 840 m.o.h., lengta både folk og fe når det leid mot jonsoktid. Kom krøtera seg til skogs på eiga hand, strauk dei på setra, la seg ved fjøsdøra og måtte hentast heimatt. På alle setrane i Dølvesbygden var det gjetargut eller -jente like til kring 1934. Alt som skulle til om sumaren, vart kløvja på hesteryggen til 1956. Fôret frå vollen, 10—15 hestelass, vart køyrt heim om vinteren. Vegen var ikkje lengre enn at ein kunne klare to lass om dagen. I 1936—39 vart det bygt fellesveg frå Høgemyr til Grånlisetrane, og veg langsmed setrane i 1959.

Setervollen er 32 da. Frå 1968 til -77 er dyrka 20 da. Seterbua er frå 1921, den førre var frå 1850. Fjøset er frå 1915 og låven truleg frå kring 1860.

Den siste Seterbrue over Islandselve på setervegen vestover åsen frå Dølvesgrenden.

Det fanst også eit gamalt sau- og geitefjøs med fôrtrev over, som vart rive i 1930-åra. Etter skogsalet i 1803 hadde setra nøytsleskog, og fekk eit eige skogstykke ved utskiftinga i 1933.

Den gamle setervegen eller «Åsvegen», som alle i grenda brukte, gjekk ein på ein time. Vegen kom forbi Brøtin, gangstigen over jordet og krøterreksla utanom. Ved *Staupet* ser ein Ølnesseterfjellet, ofte med snøflekkar ved jonsokleite. Så kom *Gruvle* og *Seterberget,* som vegen tidlegare gjekk over. I 1920 vart det sprengt og mura veg rett fram. *Brudøra* er ei gamal myrslått til Dølvesbrøtin. Over Islandselve gjekk *Seterbrue,* ei lang tømmerbru. Ved *Seterbrue* kom den gamle ferdselssvegen gjennom Valdres, no helst kjend som *Prestvegen.* På *Bruflaten* var flisbane, mogleg i bruk til litt etter 1900, der ein høvla takflis på den gamle måten med hestar. Ovafor her ligg *Kvilestein.* Komen hit var det tid for å lette av børa og tørke sveitten. Ovafor *Kvilestein* renn *Kattebekken,* og *Storebekken* må ein over, sjølv om han ikkje er til å spøke med i regntider. *Storebekkbakkin* er styggbratt når ein skulle utover med fôrlass om vinteren. Så fylgjer *neri Dikji* og *øvre Dikji.* På *Gamlevølle* luktar det av myr og setervoll. Etter namnet må vel vollen ha vore flytta herifrå og lengre opp, dit setrane no er.

Eit stykke oppe ved Islandselve låg haustsetra Vøllatn. Dølve bnr. 1 og Dølvesdokke bnr. 7 hadde denne saman. I 1856 pantsette Mikjel Reiarson halvdelen sin for 100 år til Narve Erikson Dalen. Pantet vart innløyst i 1954. Husa her stod til 1952.

Knatten, husmannsplass under Dølve, i 1910. Kring 1900 budde det siste gong folk her.

Knatten

Eit par hundre meter ovafor tunet på Dølve lå husmannsplassen Knatten, gøymd mellom berga, men på ein pen og trivelig stad. Knatten var ikkje store bruket, og dei onna nok mykje i utrastene. I Grånlien, rett bort frå Dølve, heiter det *Knattaslettet*. Det er også fortalt at folka på Knatte drog høy og lauv frå setra Rivopp langt inne i sameiga. Knatten vart fråflytta kring 1900, og har sidan vore brukt saman med Dølve. Stugu vart nedteken ca. 1925—30 av di ho stod til nedfalls. Låve og stabbur står framleis.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Ola Kristaferson Dølveseige,* Gunhildbrøtin under Hølersetren, f 1816 d 1885 g 1844 m *Tøren (Taran) Olsdotter Strømmenseige,* Strømsbråtån, f 1817 d 1894. Ola kjøpte Prestbrøtin i 1872—74, og han og Tøren døydde der. Ola, kalla «Knattin», var også spelemann. Det er fortalt at om sumarsundagane sat han i ei bergskor over stabburet og spelte. Fela til «Knattin» kom bort på setra Hallkinn då bua der brann. Barn:

1. Inger f 1844, til Amerika 1875.
2. Kristafer f 1846 d 1850.
3. Kari f 1847 d 1848.
4. Ola f 1849, var også spelemann, kalla «Prestbrøtin», gm Marit Sjugurdsdotter Dølvesetre, sjå Prestbrøtin 27/9.
5. Kristoffer f 1851 gm Marit Eriksdotter Torsrud, sjå Søvøll 32/18.
6. Kari f 1853 gm Halvor Gunderson Leistrudlie, sjå Plassen 22/9.
7. Anne Tonette f 1855 g 1. m Ole Nilsson Hølebrøtin, Nord-Aurdal, sjå Lundal, g 2. m Aslak Olson nørdre Tronrud.
8. Johan f 1857 gm Sigrid Marie Eriksdotter Torsrud.
9. Jakob f 1859, til Amerika 1876.

10. Martin f 1861 — «Martin Hjulmakar» — gm Marit Olsdotter Ellendshaugen, sjå Berg i Bagn.

I 1865 hadde dei 5 naut, 9 sauer, 5 geiter, og sådde 1 tønne bygg og 3 tønner poteter.

Ola Kristaferson og familien hans var på Knatte i 1875, men frå 1876 til -81 er *Halvor Olson Lundoeige* og *Mari Arnesdotter Dokkebakkatn* nemnde som husmannsfolk. I 1883 var dei i Hølvege 36/21, sjå der.

Anton Erikson Ølmhusplassen gm *Ingrid Iversdotter Biribakkin* er nemnde på Knatte i 1894. Dei budde her nokre år, og var dei siste på plassen. Anton reiste til Amerika.

Då plassen vart ståande tom, tok ungdomen i bygda han i bruk som samlingsstad og til dansemoro. Her var det liv og leik. Samkomene heldt på fram til 1915.

Dølve bnr. 2

Ved skiftet etter Mikjel Reiarson i 1819 overtok sønene Reiar og Hallstein kvar sin del av Dølve. Båe fekk skifteskøyte i 1835. Hallstein vart brukar på bnr. 2.

Hallstein Mikjelson Dølve f 1797 g 1. 1823 m *Barbro Mikjelsdotter søre Fønnhus* f 1805 d 1836. Ved skiftet etter Barbro i 1836 var bruttoeiga 1584 spd. og nettoeiga 1037 spd. Barn:

1. Anne f 1825 d 1836.
2. Kjersti f 1827 d 1828.
3. *Mikjel* f 1830, neste brukar.
4. Kjersti f 1833 gm Ola Ivarson Berg, Hedalen, sjå under Berg.
5. Mikjel f 1836 d 1836.

Hallstein Mikjelson g 2. 1841 m *Ingebjørg Alvsdotter Tronrud,* sjå nedre Koparvike 50/4. Hallstein åtte nedre Koparvike 1835—56.

I 1862 selde Hallstein Mikjelson for 300 spd. til sonen *Mikjel Hallsteinson* f 1830 d 1910 g 1853 m *Kjersti Sjugurdsdotter nørdre Dølvesetre* f 1832 d 1914. Barn:

1. *Hans* f 1854, neste eigar.
2. Syver f 1856 gm Ingrid Iversdotter Iljanstadhaugen, sjå Dølvesbrøtin 48/19.
3. Barbro f 1860 d 1862.
4. *Martin* f 1862 d 1939, siste eigar før samanslåinga med bnr. 1.
5. Ole f 1865 d 1865.
6. Ole f 1869 d 1872.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 24 mål god åker og dyrka eng, 74 mål magert slåtteland, frå Grånlien kom 20 skippund godt høy, hamninga var tilstrekkeleg, og dei lauva 1000 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 8 naut, 10 sauer, 9 geiter, 1 gris, og sådde 1/4 tønne rug, 6 tønner blandkorn, 1/8 tønne erter og 4 tønner poteter.

I 1867 vart inngått delekontrakt mellom bnr. 2 og Dølveskamben.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med steintak. 2. Ein stall- og låvebygning med bordtak. 3. Eit fjøs med bordtak. 4. Eit stabbur med flistak, inndelt i fire rom. 5. Eit bryggerhus med bordtak.

I 1882 selde Mikjel Hallsteinson til sonen *Hans Mikkelson Dølven* f 1854 d 1937. Hans selde bnr. 2, 23 og 24 til faren i 1891.

I 1924 selde dei andre arvingane etter Mikjel og Kjersti Dølven til broren

Martin Mikkelson Dølven f 1862 var i mange år skysskar mellom Sørum og Lærdal. Då kong Oscar 2. reiste gjennom dalen i 1879, var vognmenn frå Sør-Aurdal og Ådalen kuskar. Blant dei var Martin Dølven og Andreas Blakstvedt frå Ådalen. Biletet er nok teke i samband med denne hendinga. Her Martin, til høgre, saman med Andreas Blakstvedt. Det kongelege fylgjet kom med båt til Sørum, det var endå med tre fine kalesjevognar og tre triller. Etter ynskje frå kongen vart Martin med heilt til Bergen, sjølv om skyssen var tinga til Lærdal. I drikkepengar fekk han ein flunkande ny 2-krone.

Martin Mikkelson Dølven f 1862 d 1939.

Etter tvangsauksjon fekk Reidar Dølven på bnr. 1 auksjonsskøyte i 1937, og bnr. 2 har sidan vore drive saman med bnr. 1. Det opphavlege bnr. 2 var då noko redusert gjennom fleire frådelingar. Bnr. 22, den delen av skogen som låg i Heimåse, vart frådelt og seld til lensmann Soleglad i 1890. Eigarar deretter var m.a. skreddar Kristoffer Olson Knatten. Det er fortalt at han overtok eit skogstykke som syløn for ein dress. Etter at Bakomberg skog bnr. 36 var utskild i 1916 og seld til Ole G. Waagaard, som i 1918 selde til skipsreiar Ludvig Lorentzen, var det mest berre slåttemarker att av utmarka. Etter kvart vaks dei til med skog.

Gamle stadnamn på bnr. 2 er tekne med under bnr. 1.

På tunet til bnr. 2 var eit våningshus frå 1778, øydelagt av bombe 27.4. 1940. Stabburet frå om lag 1870 står framleis. Låven var bygd av tømmer som hadde vore brukt i hus før. Han vart skifertekt i 1876, og er no nedriven. Det fanst også stall og eldhus, det siste rive ca. 1945. Nytt fjøs vart bygt inntil stallen 1922. Den gamle låven hadde to grasgrodde køyrebruer. På tomta er no bygt garasje. I *Storebakka* og på *Markjo* var to utlyur.

Dølve bnr. 2 hadde seter på Grånlien. Setra vart frådelt i 1890, og seld i 1920 til Knut Lundelien. Eigar no er Olaf Bergene på nørdre Hellandshøle.

Dølvesbrøtin bnr. 19

Dølvesbrøtin, i daglegtale også berre Brøtin, ligg i skogen om lag 300 m nordvest for Dølve, 500 m o.h., på lettbrukt og god moldjord. Ved delinga av Dølve i bnr. 1 og 2 fekk bnr. 2 denne plassen.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Gudbrand Olson,* nedre Bagn bruk IIa, f 1756 d 1820 gm *Ingrid Høljes-*

dotter f ca. 1747 d 1838 på Tronrud. Dei er nemnde på Bagnseige, som må ha vore Leitet, 1782—95, i 1796 på Bagn, rimelegvis også Leitet, og på Dølveseige — Dølvesbrøtin — frå 1799. I 1801 var dei husmannsfolk med jord. Barn:

1. Ola f 1782 d 1783 på Leite.
2. Kari f 1783.
3. Ola f 1786.
4. Anne f 1789.
5. Ingrid f 1792.
6. Hølje f 1795.
7. *Kari* f 1796, neste husmannskone.
8. Beret f 1799 gm Ola Arneson Bagn, sjå nørdre Leitet 49/1.

I 1822 fekk Ola Andersson Måno, som var trulova med Kari Gudbrandsdotter, feste etter at Ingrid Høljesdotter hadde overlate plassen.

Leiga skulle vera 4 spd. Av det måtte 2 spd. 48 skilling svarast i arbeid ved å slå 12 dagar, skjera 2 mål åker, gjera 6 dagar kararbeid om våren og 6 om hausten. Resten, 1 spd. 72 skilling, skulle betalast i pengar. I tillegg skulle svarast livaure til Ingrid Høljesdotter.

Ola Andersson Tronrud (Måno) g 1822 m *Kari Gudbrandsdotter.* Ola Andersson kjøpte søre Tronrud 25/1 i 1832, sjå der.

Ola Olson Kyrkjebjørgeige f 1797 g 1828 g *Kari Olsdotter Dølveseige,* Dølvesbrenne, f 1801 d 1878, er nemnde på Kyrkjebjørgeige 1828, på Dølveseige 1830—33 og i Dølvesbrøta frå 1834. Kari døydde som livaurskone i Dølvesbrøta. Barn:

1. Ola f 1828 d 1830.
2. *Kari* f 1830, neste husmannskone.
3. Ole Andreas f 1832 d 1832.
4. Tøren f 1833 gm Kristen Kristenson Jøranby.
5. Ola f 1834, til Amerika 1855.
6. Beret f 1836 d 1856.
7. Knut f 1843, til Amerika 1858.
8. Marit f 1845, til Amerika 1866.

Ola Andreasson Brattrud f ca. 1820 g 1858 m *Kari Olsdotter Dølvesbrøtin* f 1830, var husmannfolk i 1865. Barn som me kjenner:

1. Anne f 1859.
2. Andreas f 1861.
3. Kristine f 1863.
4. Kari f 1866.

I 1865 hadde dei 6 naut, 8 sauer, 2 geiter, og sådde 2 tønner blandkorn og 3 tønner poteter.

Ola Olson Dølveseige frå Østre Toten f ca. 1828 g 1853 m *Beret Olsdotter Kallskøteige,* nedre Brattebakke 29/8, f 1830 truleg d 1928 i Dølvesbrøta, var husmannsfolk i 1875. I 1865 var dei medbrukarar i Brattebakke. Ola og Beret er i kyrkjebøkene nemnde i Dølvesbrøta 1855, i Brattebakke 1859, og frå 1867 i Dølvesbrøta. I 1891 var dei husmannsfolk i Juve. Dølvesbrøtin er ikkje nemnd i folketeljinga 1891. Barn:

1. Ola f 1855 g 1. 1880 m Helene Marie Olsdotter Nerbyenga, f på Østre Toten, sjå Juve 48/29, g 2. 1904 m Gunhild Kristoffersdotter Seterbråten, Seterbrøtin under Åse, f 1859.
2. Anders f 1859.
3. Karine f 1867 d 1869.
4. Karine f 1869 d 1869.

Inga f 1891 og Olaf Øilund f 1888 i 1947. Dei budde i Dølvesbrøta frå 1920 til 1956, då dei flytta til Bagn.

5. Knut f 1871 gm Anne Trondsdotter Vabrøtin, sjå Ranneisetre under søre Tronrud.
6. Anne f 1873.

Branntakst 1875: 1. Ei stugu med bordtak, inndelt i kjøken med peis, kammers og gang. 2. Ei bu med to rom og bordtak. 3. Eit fjøs med bordtak hadde eitt rom med trev over. 4. Ein låve med bordtak, inndelt i tre rom.

I 1886 vart Dølvesbrøtin utskild frå Dølve bnr. 2, og seld i 1894 til *Syver Mikkelson Dølve,* Dølve 48/2, f 1856 g 1877 m *Ingrid Iversdotter Iljanstad-haugen,* Nordby, f 1839 d 1911, som var enkje. Dei kom hit i slutten av 1880-åra. Ingrid hadde med seg dottera Elise frå fyrste ekteskap. Barn:

1. Kjerstine f 1879 d ung.
2. Mikael f 1883, lærar i Vardal.

Då Ingrid døydde, flytta Syver til sonen Mikael i Vardal. I 1917 selde Syver Dølvesbrøtin til *Olaf Odden,* som ikkje budde her medan han var eigar.

I 1920 selde Olaf Odden til *Olaf Olson Øilund* f 1888 g 1920 m *Inga Reiersdotter Dølven,* Dølve 48/1, f 1891. Olaf Øilund var skogstyrar og kommuneblinkar. Olaf og Inga Øilund budde i Dølvesbrøta frå 1920 til -56, då dei kjøpte hus i Bagn og flytta dit. Deretter var jorda bortleigd.

I 1962 fekk dokter *Chr. Sommerfelt* frå Oslo skøyte, men vart nekta konsesjon. Han budde delvis i Dølvesbrøta med familien til konsesjonssaka vart avgjort i 1964. *Reidar Dølven* på bnr. 1 kjøpte same år bruket, som sidan har vore drive saman med hovudbølet Dølve.

No har Dølvesbrøtin 20 da. dyrka jord. 6—7 da. av dette braut den førre eigaren Olaf Øilund opp. Seinare er dyrka 3,5 da., og ei stor steinur nord og ovafor husa, midt i åkeren, er nedgraven. I husmannstida var fleire utslåttar. Ned mot Islandselven heiter det ein stad framleis *Brøtabakkatn,* ved Seterbrue låg myrslåtten *Brudøra,* og det var også ein slått i skogen i Grånlien. Skog hadde Dølvesbrøtin heime, ein teig oppe i Heimåse og to teigar i sameiga. I fyrste halvdel av 1800-talet brukte husmannsfolka setra nørdre Grånlie.

Dølvesmarke bnr. 4

Dølvesmarke vest for Dølve heiter i daglegtale no Marke, og har både bratt og flatare innmark.

I 1806 selde Arne Olson Dølve, som hadde innløyst øvre Dølve etter dom i 1805, 1 skinn til broren Ola Olson for 600 rd. Åker og eng strekte seg i eit område vestafor Vassbekke (Vassteinbekken). Grensa skulle dels gå etter dei gamle dele som hadde vore då garden — må tolkast som Dølve — var delt i to delar. Med den fråselde eigedomen fylgde husmannsplassen Juve.

Ola Olson Dølve, Dølve bruk I, f 1778 d 1847, kalla «Litengut», g 1. 1805 m *Marit Eriksdotter Dølve* f ca. 1780 d 1823. Ola skulle ha vore kunnig i trolldomskunstar. Ved skiftet etter Marit i 1824 var bruttoeiga 381 spd. og nettoeiga 358 spd. Jordegodset på 1/2 skinn var taksert for 250 spd. Barn:

1. Beret f 1806 gm Knut Arneson Dølve, sjå nørdre Bøle 25/5.
2. Ingebjørg f 1808 d 1808.
3. Ingebjørg f 1809 gm Ola Olson Juvesetre.
4. Ola f 1811 d 1812.
5. Anne f 1813 d 1813.
6. Ola f 1814 d 1814.
7. Kari f 1817 d 1817.
8. Kari f 1819 d 1819.
9. *Ola* f 1820, neste brukar.

Ola Olson g 2. 1828 m *Gjartrud Olsdotter Nedrebøen,* Bøle bruk II, f 1760.

I 1845 selde Ola Olson for 200 spd. til sonen *Ola Olson Dølvesmarke* f 1820 — «Markabondin» — f 1820 g 1842 m *Anne Olsdotter Bagn,* i tradisjonen kalla Ellendshaugen, f ca. 1821. Med unnatak av dottera Marit reiste heile familien til Amerika. Ola reiste i 1878. Ola selde Dølvesmarke for 300 spd. i 1851 til Amund Sjugurdson Torsrudhagin, men kjøpte bruket att for same sum i 1857. I åra 1851—56 åtte Ola Nilsebøle i Lundebygden, og familien budde her. I 1865 selde Ola Dølvesmarke for andre gong, no til Ola Hermannson Hølersetre for 200 spd., og i 1865—66 er familien nemnd i Hølerseterbrøta. I 1875 var dei husmannsfolk i Dalabrøta under Sørflatdale. Barn:

1. Ola f 1842 d 1842.
2. Elling f 1843, til Amerika 1869.
3. Marit f 1846 gm skomakar Ola Gustavson f Anmarkrud, kalla «Dølen», sjå Nygård 39/30. I 1876 fekk Marit dottera Olava Mathilde Marie med Andreas Bjørnson Engen frå Gran.
4. Ola f 1849, til Amerika 1870.
5. Ola f 1851 d 1851.
6. Maria f 1852, til Amerika 1881.
7. Anna f 1855, til Amerika 1880.
8. Olea f 1857.
9. Ole Andreas f 1860, til Drammen 1879, til Amerika 1880. Ole Andreas vart prest. Prest vart også son hans, Osvald Dølven, nær Fargo, Nord-Dakota.
10. Martin f 1863, til Drammen 1879.
11. Ole f 1866.

Amund Sjugurdson Torsrudhagin f 1809 g 1843 m *Ragnhild Haraldsdotter Dølvesetre,* Køldokke 48/7, f 1812, åtte Dølvesmarke 1851—57. Dei er nemnde i Turibrøta 1844—50. Barn:

1. Marit f 1844.

Ola Hermannson f Hølersetre 1837 og kona Marit Tåmåsdotter f Langedrag 1835. Ola åtte Dølvesmarke frå 1865.

2. Beret f 1845.
3. Sjugurd f 1848.
4. Kari f 1850.
5. Ingeborg f 1853.
6. Kjersti f 1855.

Ola Hermannson Hølersetre f 1837 d 1907, eigar frå 1865, g 1863 m *Marit Tåmåsdotter Langedrag* f 1835. Dei hadde iallfall dottera

Ingeborg f Sæterhaug, Torpa, 1880 d 1890.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 10 mål ganske god åker og dyrka eng, 19 mål ganske godt slåtteland, frå Brøto og Grånlien kom 20 skippund høy, og dei lauva 200 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 7 naut, 6 sauer, 6 geiter, og sådde 3 tønner blandkorn og 3 tønner poteter.

I 1898 selde Ola Hermannson til *Ole Halvorson Bagnsbakkatn* f 1866 d 1920 g 1895 m *Sigrid Olsdotter nørdre Gubberud* f 1872, syster til lærar Ole O. Thorsrud. Barn:

1. Ole f 1896 d 1947, politimann i Oslo, g 1919 m Ingeborg Olsdotter Lien, Knutsonlie 22/12, f 1896.
2. Anne f 1898.
3. *Hallvard* f 1900, neste eigar.
4. Kristine f 1902 gm Syver Bergli, sjå Skoglund i Bagn.
5. Ivar f 1905, bur på Marken, gm Margit Høneren, Begnadalen.
6. *Olaf* f 1907, brukar etter Hallvard.
7. Maria f 1909, gift Norman, busett på Hokksund.
8. *Hallgrim* f 1911 gm Kristi Bråten, Eggedal, gardbrukarar i Eggedal.
9. Ottar f 1914, målar i Sandefjord, gm Eldbjørg Fremgaard, Reinli.

Hallvard Olson Marken f 1900 d 1940 fekk skøyte i 1922, gm *Helga Berg,* Eggedal.

I byrjinga av 1930-åra fekk *Olaf Olson Marken* f 1907 d 1972, auksjonsskøyte.

Etter odelsløysing frå dotter til Olaf Marken var *Hallgrim Marken,* Eggedal, neste eigar. Hallgrim selde i 1983 Marke og nørdre Gubberud 37/7 til sonen *Ivar Marken* f 1946 gm *Sigrid Søland* f 1943, busette i Eggedal. Dei har barna Anne-Kristi og Ingeborg Helen, båe f 1975.

Dølvesmarke har ca. 20 da. dyrka jord og 200 da. skog. Opphavleg hadde bruket nøytslerett i felles skog, men fekk deretter skogen på sørsida av setervegen til Seterbrue. I 1916 vart sko-

gen utskild som bnr. 35, og seld i 1917 til Ole G. Waagaard, som i 1918 selde til skipsreiar Ludvig Lorentzen. Tilvaksne slåtteland og beite utgjer no i overkant av 100 da. Aust på jordet går *Leirdal'n* ned til Islandselve. I elva ned og litt nord for Marken ligg *Ukseføssen,* og lengre opp *Geitefossen.*

I den eldste tida var tunet lengre ned. Ola Hermannson Hølersetre, som vart eigar i 1865, bygde nytt våningshus, stabbur og fjøs høgre opp, og flytta låven og gamlestugu. Sistnemnde nytta han til eldhus. Eldhuset vart nedrive fyrst på 1900-talet.

Til Dølvesmarke har høyrt den søre setra på Grånlien. Her er bygt ny bu. Fleire år før og etter hundreårsskiftet stod setra øyde. Fram til om lag 1925 var det seterstell att, mest med geit. Frå Marken gjekk ein snarveg gjennom *Markaklype* ved Islandselve og opp lia. Denne *Liavegen* var bratt, men snar, og syner enno.

Vanleg buskap var 3—4 kyr, geiter og sauer, samt ein hest.

Under krigen i 1940 var det ei trefning mellom norske og tyske styrkar på Marken. Markafolka heldt då til i Juve. Fleire tyske soldatar hadde kome inn i husa, og ein norsk styrke gjekk til angrep. To norske soldatar vart skotne utafor døra. På tysk side var det fleire såra, mogleg også drepne. I huset vart mange hol etter norske kuler.

Juve bnr. 29

Einsleg, men pent til i brattlia ned mot Islandselven vest for Dølve, 580 m o.h., ligg den tidlegare husmannsplassen Juve. Tunet står på litt flatere lende. Nokre hengebratte, men lune åkrar gav truleg årvisst korn, og på den andre sida av Islandselven møter blikket skoglia Grånlie. Til næraste bruk, Dølvesbrøtin, er det 600 m. Like ovafor Juve gjekk den gamle *Prestvegen.* Ein gangstig førte ned til Juve. Hausten 1978 bygde den nye eigaren bilveg fram.

Namnet er bunden form — Juvet — av gamalnorsk *gljúfr* n., særleg brukt om kløfter det renn vatn gjennom. I Valdres og Hallingdal førekjem også ei hokjønnsform av det same grunnordet, som det i Sør-Aurdal er døme på i Stavadale og Vestre Bagn.

Då Dølvesmarke vart fråseld Dølve bruk I i 1806, skulle kjøparen også ha husmannsplassen Juve, slik plassen hadde vore og no vart brukt.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Knut Olson Dølveseige,* mogleg Føss av Koparvike og f 1764, d 1815 på Dølveseige. Knut var i 1801 husmann med jord under Dølve, og hjå han budde systera Beret, 45 år gamal. Knut Olson frå Føss hadde ei syster der namn og alder stemmer med folketeljinga 1801. I 1805 gifta Knut seg med *Anne Johannesdotter Åseneige* f 1778 d 1837 på Jukamseige. Sonen Johannes var f Dølveseige, men døydde same år i Juve. Som enkje fekk Anne dottera Anne i 1816 m Erik Trulsson Garthus. Anne d.y. gifta seg med Tøstein Sjugurdson Torsrudeige, sjå Sørflatbrøtin 28/3. Barn til Knut Olson og Anne Johannesdotter:

1. Marit f 1806 g 1. m Ola Nilsson Jukamseige, sjå Hundehengja 36/2, g 2. m Ola Person Juvebrenne, sjå Brenne 27/7.
2. Ola f 1809 d 1810.
3. Ola f 1811 d 1812.
4. Johannes f 1813 d 1813.

Gudbrand Arneson Dølve, f 1805 d 1879 i Juve og kona *Tora Hallvorsdotter Øyhuseige,* Sveriplassen 50/32, f 1804 d 1848 var husmannsfolk i Juve frå dei gifta seg i 1830. Gudbrand var son til Arne Olson og Tora Gudbrandsdotter, som måtte gå frå Dølve. Barn:

1. Tora f 1830.
2. Anne f 1833 gm Ola Larsson Tordebrøtin, sjå Tordebrøtahagin.
3. Arne f 1835 til Amerika 1867.
4. Hallvor f 1838 d 1840.
5. Tora f ca. 1840 d 1843.
6. Marit f 1842 fekk i 1866 dottera Olea med Ola Olson Skaroeige. I 1900 var Marit tenar i Tordebrøta, og kalla Tordebrøtin då ho døydde i 1919.
7. Tora f 1845, til Amerika 1867.
8. Tora f 1848, til Amerika 1867.

Gudbrand Arneson g 2. 1852 m *Inger (Inge) Eriksdotter Klovutn* f 1813 d 1881 som husmannsenkje i Juve. Barn:

1. Erik f 1854 gm Sigrid Oppheimsbakkin. Erik var landhandlar ei tid på Reinli meieri, og flytta sidan til Øystre Slidre.
2. Gunhild f 1856 gm Ole Olson Rundbrøtin, sjå Rundbrøtin 27/3.

I 1865 hadde dei 3 naut, 7 sauer, 5 geiter, og sådde 1 tønne bygg og 2 tønner poteter.

Neste kjende husmannsfolk etter at Inger Eriksdotter døydde i 1881, er *Ola Olson Dølveseige* gm *Beret Olsdotter Kallskøteige.* Dei hadde før brukt Dølvesbrøtin, sjå der.

I Juve i 1891 saman med foreldra var sonen Knut, også kjend som Knut Juve, dottera Anne og sonen Ole med familie. *Ole Olson d.y.* f 1855 var også oppført som husmann med jord, og tømmermann, som faren. Ola d.y. var g 1880 m *Helene Marie Olsdotter* f i Hoff, Østre Toten ca. 1851. Dei fekk i 1884 sonen Ole i Juve.

I 1895 vart Juve utskild frå Marken og seld saman med Marke i 1898 til *Ole Halvorson Bagnsbakkatn,* som vart ny brukar på Marken.

Nokre år kring 1900 budde *Ole Olson Juvesetre* f 1839 g 1875 m *Ingrid Thomasdotter Langedrag* f 1847 her. Ingrid var syster til kona på Dølvesmarken. Dei brukte etternamnet Sæther. I 1900 var Ole oppført som innerst og snikkar. Ole og Ingrid reiste til Torpa i 1875. Fleire av barna reiste «ut på bygdo». Barn som me kjenner:

1. Thorvald f ca. 1883.
2. Inga f ca. 1887.
3. Karine.
4. Oline.
5. Ingeborg f 1890 gm Nils Gudbrandson Flatødegårdsbergene.

I 1901 selde Ole Halvorson på Marken Juve til *Gudbrand Tidemandson,* nedre Seterbrøtin under Tronhussetren, f 1852 d 1939 g 1878 m *Inger Nilsdotter Dalslie,* Kølplasse under søre Øyhus, f 1857 d i juni 1926 i Juve. Gudbrand var blind på sine gamle dagar, og budde ei tid i Dølvesbrøta. Før dei kom til Juve, budde Gudbrand og Inger i nedre Seterbrøta. Barn:

1. Tidemand f 1878 gm Sigrid Olsdotter Kleivabrøtin. Tidemand kjøpte Ellevsbakkatn 13/14 i Reinli i 1931, sjå der. Tidemand og Sigrid budde i Juve fleire år, og fekk man-

ge barn her. Tidemand var tømmermann, smed, og i mange år mjølnar og sagmeister ved Fossheim bruk i Bagn.

2. Marit f 1880 gm Ole Erikson Ivarsbrøtin.
3. Nils f 1884, til Amerika.
4. Guri Maria f 1886, gift og busett i Oslo.
5. Ole f 1889, til Amerika.
6. Kristian f 1896 gm Ida frå Kristiansund, busette i Oslo.

Etter tvangsauksjon vart *Bagn fattigvesen* eigar i 1929, og selde i 1930 til *Ole Koppervik* i øvre Koparviken. Han brukte Juve som haustseter, og køyrde fôret ned om vinteren. Sonen *Arne Koppervik* overtok Koparvike og Juve i 1952.

I 1969 selde Arne Koppervik Juve til *Sigurd Stein Røed,* Horten, f 1927. Han busette seg i Juve i 1977 etter å ha arbeidt 14 år i FN-organisasjonar.

Samla areal i Juve er 80 da., det meste skog med unnatak av åkerlappane og tunet. Frå slåttedalane bar dei fôret opp på ryggen, dels i trappetrinn. I Grånlien sønnafor Storebekke låg *Juveslettet,* som var mest ei myrslått. Her stod ei fôrlyu til litt etter krigen. I sameiga er ein skogteig på 120 da. I Gudbrand og Inger si tid, frå 1901, hadde dei jamnast tre kyr og nokre småkrøter.

Husa er i hovudsak gamle. Våningshus, låve, stabbur og ei smiu vart nok opphavleg oppsette på staden. «Timannsstugu» kom frå elvekanten, der dei eine halvparten hadde vore kvernhus og den andre halvparten badstugu. Tidemand bar tømmeret stokk for stokk opp den bratte lia i 1906. Stabburet er flytta til Bagn Bygdesamling, og eit anna gamalt stabbur frå Vingnes ved Lillehammer er sett opp på same tomt. Det gamle fjøset er nedrive, og eit nytt lafta opp i 1979. Då golvplankane i stugu vart opptekne til vøling, vart det funne ein brannplass med oske og steinsett kant ikring under golvet.

I ein foss nede ved Islandselve hadde Gudbrand og Tidemand kvern, sag og flishøvel.

Dølvesbrenne

Plassen Dølvesbrenne, eller berre Brenne, låg i lia ned mot og sønnafor Islandselven, ca. 425 m o.h.

Den fyrste kjende opplysninga er frå 1794. Då heiter det at plassen hadde vore bortsett som brukeleg pant av Ola Arneson Dølve i 27 år til Jens Bårdson, men no var pantet innløyst.

Jens Bårdson Dølveseige f 1740 d 1810 g 1770 m *Anne Kristafersdotter Ølmhuseige* f 1749, ho levde i 1811. Dei er nemnde på Dølveseige frå dei gifta seg til 1791. I 1793 var dei på ein plass under Lundo, og var husmannsfolk her i 1801. Deretter kom dei attende til Dølvesbrenne, der skiftet etter Jens vart halde i 1811. Lausøyret samt bygnings- og rydningsarbeidet vart selt på auksjon i februar, men inngav berre 49 rd. Gjeld og skiftekostnader utgjorde 73 rd., slik at buet var fallitt. Barn:

1. Siri f 1771, d ung.
2. Kristafer f 1774 d 1776.
3. Kristafer f 1776 gm Ingrid Sjugurdsdotter Tronrud, sjå Gunhildbrøtin under Hølersetren.

4. Ingebjørg f 1783 mogleg gm Ola Olson Langedragseige, sjå Storøydgardseige.
5. Gjartrud f 1785 g i Bruflat 1811 m Sjugurd Knutson Lundeeige.
6. Siri f 1790 d liten.
7. Anne f 1791 d 1792.
8. Bård f 1793 g 1. m Sønnev Mikjelsdotter Sørli, g 2. m Kari Olsdotter Ølmhuseige, sjå båe gonger Bjørke under Ølmhus.

I 1794 selde Arne Olson Dølve, etter å ha innløyst Dølvesbrenne frå Jens Bårdson, plassen for 189 rd. til verbroren *Anders Olson Nedrebøen* gm *Mari Olsdotter Dølve,* sjå Dølveseige om dei. Anders Olson selde Brenne i 1800 for 220 rd. attende til *Arne Olson.*

I 1802 skøytte Arne Olson Brenne for 325 rd. til broren *Ola Olson Dølve d.e.,* men det blir opplyst at salet skjedde for eit par år sidan. Ola selde same dag for 260 rd. til *Steingrim Olson Bagn* på Gastgjevarhauge. Men Ola budde framleis i Brenn, og vart seinare eigar att.

Ola Olson Dølve, Dølve bruk I, f 1771 g 1. 1797 m *Tøren Knutsdotter Dølve,* nørdre Dølve, f 1775. Dei er nemnde på Bagnseige 1813 og -15. Barn:

1. Ola f 1797, i 1867 gardmann på Bøen.
2. Kari f 1801 gm Ola Olson Kyrkjebjørgeige, sjå Dølvesbrøtin 48/19.
3. Knut f 1804, til Hallingdal 1828, gift der.
4. Ellend f 1807 g 1. m Ingrid Sjugurdsdotter, g 2. m Ragnhild Olsdotter Øyhus, sjå båe gonger nedre Dølveskamben 48/6.
5. Harald f 1809.
6. Gudbrand f 1813, på Skøyeneige 1868.
7. Gudbrand f 1815.

Tøren Knutsdotter g 2. 1823 m *Andreas Hansson Jukam,* sjå Dalen under midtre Jukam.

I 1808 selde Ola Olson for 670 rd. til *Ellend Knutson Stavadalen* gm *Barbro Bjørnsdotter Stavadalen,* sjå søre Stavadalen 4/bruk I. I 1809 vart Dølvesbrenne skyldsett for 1/2 skinn. Ved skiftet etter Barbro Bjørnsdotter i 1809 var bruttoeiga 403 rd. og nettoeiga 197 rd.

Ellend Knutson selde Dølvesbrenne i 1810 for 200 rd. til *Arne Olson Dølve* gm *Tora Gudbrandsdotter Sørum,* som før hadde ått Dølve bruk I, sjå der.

I 1822 selde Arne Olson plassen for 130 spd. til Mikjel Sjugurdson, men tok unna inngjerdinga øvre Brenne med eit stykke utmark. Ved skylddeling same år vart den fråselde delen oppgjeven til å vera heile nedre Brenne med to slåttar, Køllslettet og Bårdslettet, samt eit stykke utmark. Øvre Brenne fekk ei skyld av 1/6 skinn og nedre Brenne 1/3 skinn.

I 1824 selde Tora Gudbrandsdotter, no enkje etter Arne Olson, øvre Dølvesbrenne for 80 spd. til brørne Mikjel og Sjugurd Sjugurdsøner, kvar for det halve. Mikjel og Sjugurd var søner til Sjugurd Arneson, som hadde ått nørdre Dølve.

Mikjel Sjugurdson gm *Guro Eriksdotter Tronhuseige,* sjå Hellandshølen 54/bruk A, makeskifta samstundes i 1824 halve nedre Brenne og halvdelen sin i øvre Brenn mot halve eller 1 skinn i Hellandshøle med skulehaldar *Trond*

Olson, sjå nedre Skinnrud 9/6. I mellomlag betalde Mikjel 100 spd. Trond skulle reie ut halve livauret til Tora Gudbrandsdotter, og fekk overta tømmeret som var hogge til ei stugu.

I 1825 selde Mikjel den andre halvdelen av nedre Brenne til broren Sjugurd Sjugurdson. Sjugurd selde i 1852 halvdelen sin i øvre Brenn til det andre bruket, som frå no omfatta heile øvre Brenne og halve nedre Brenne. Det sistnemnde bruket heiter i daglegtale øvre Brenne og har bnr. 14. Resten av det gamle nedre Brenne er i daglegtale kalle nørdre Brenne, til skilnad frå grannebruket søre Brenne frå Koparviken, og har bnr. 15.

Øvre Brenne, som ligg 75 m høgre og nokre hundre meter sønnafor nedre Brenn, skal opphavleg ha vore haustseter til Brenne. Tradisjonen fortel at dei to tuna etter delinga låg inntil kvarandre på nedre Brenn, og seinare vart tunet på bnr. 14 flytta opp til øvre Brenne.

Øvre Dølvesbrenne bnr. 14

Skulehaldar Trond Olson Skinnrud selde i 1825 for 50 spd. til *Guttorm Olson Garthuseige,* Aspholteige, f 1794 d 1865 g 1824 m *Marit Andersdotter nørdre Lundatn* f 1792 d 1864. Barn:

1. Ola f 1826.
2. Anders f 1827.
3. Jon f 1827, tvilling med Anders.
4. *Ola* f 1829, neste brukar.
5. Guttorm f 1832 d 1833.
6. Barbro f 1835, til Amerika 1866.
7. Ragnhild f 1837 gm Hallvor Hallvorson Bagnsbakkatn.

Ola Guttormson Dølvesbrenne f 1829 d 1875 kjøpte i 1852 halve øvre Dølvesbrenne av Sjugurd Sjugurdson for 60 spd., og i 1861 det faren hadde åtte for 100 spd. Ola var g 1851 m *Ragnhild Knutsdotter nedre Dølvesbergatn* f 1825 d 1909. Barn:

1. *Guttorm* f 1854, neste brukar.
2. *Knut* f 1859, brukar etter Guttorm.
3. Ola f 1860.
4. Anders f 1863 gm Inger Larsdotter Trefothaugen, sjå Storrustebrenna. Denne Anders fekk etter tradisjonen namn etter guten Anders som ramla utfor Øylundberget og slo seg i hel. Anders var gjetar i Øylund, og var oppe på berget med geitene då han såg eit bryllaupsfylgje koma utantil dalen. Truleg ville han gjera litt ære på dei. Han sleppte ein stor stein utfor, men vart med sjølv.
5. Marit f 1863, tvilling med Anders, gm Ole Andreas Olson Hellandshølen, sjå vestre Erstadbrøtin 33/11.
6. Martin f 1866 g 1. m Berit Arnesdotter Klovutn, g 2. m Maria Arnesdotter Dokkebakkatn, sjå båe gonger Eldebakkatn 22/6.
7. Johan f 1869, til Kulerud, Ringerike.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 4 mål rå og vassjuk åker og dyrka eng, 25 mål magert slåtteland, frå seter og utmark kom 8 skippund høy, dei lauva 300 kjerv, og garden var tungbrukt. I 1865 hadde dei 6 naut, 6 sauer, 4 geiter, og sådde 1 tønne bygg og 1 tønne poteter.

I 1876 selde Ragnhild Knutsdotter for 300 spd. til sonen *Guttorm Olson* gm *Tonetta Iversdotter Åsli,* sjå under Åsli.

I 1884 var det utskifting av innmark og utmark mellom bnr. 14 og 15.

Guttorm Olson selde bruket i 1888 for 800 kr. til broren *Knut Olson Dølvesbrenne* f 1859 d 1922 g 1891 m *Marit Arnesdotter Klovutn* f 1865 d 1909. Barn:

1. *Ole* f 1892, neste brukar.
2. Arne f 1894 gm Ingebjørg Islandsmoen, sjå Vollheim 32/21.
3. *Kristian* f 1897, brukar saman med Ole og sidan åleine.
4. Ragnhild f 1899 d 1900.
5. Ragnhild f 1901 gm Ole Andreas Andersson Sæteren, sjå øvre Tronhussetre 54/5.
6. Ingrid f 1903 gm Hans Sæteren, sjå Solhaug 54/23,24.
7. Gunhild f 1906 d 1906.
8. Ingebjørg f 1907 gm Martin Tronhus.

Ved skiftet etter faren i 1922 vart sonen *Ole K. Brenden* f 1892 d 1957 eigar. Han brukte garden saman med broren *Kristian K. Brenden* f 1897, som overtok åleine etter at Ole døydde. Kristian g 1936 m *Ingebjørg H. Leite,* nørdre Leitet 49/1, f 1903. I yngre år dreiv Kristian mykje som tømmerkøyrar, og han var med og bygde Raumabanen. Barn:

1. Marit f 1939 gm Magne Nyhus, Bjoneroa.
2. *Knut* f 1945, neste eigar.

Knut Brenden f 1945, eigar frå 1977, g 1985 m *Berit Helen Fønhus,* Lundby 54/15, f 1961. Barn:

Kristine f 1987.

Innmarka på øvre Brenn ligg bratt til, og har steinut, men god jord. Brørne Ole og Kristian dyrka mykje, og ovafor tunet har Knut Brenden nydyrka 12 da. Saman med jorda på nedre Brenn har bruket i alt ca. 37 da. innmark. På nedre Brenn er namna *Storskreo,* no tilvakse, *Nydal'n, Nylende* og *Fiskhøldal'n* med *Fiskhøldalslyu.* Åkernamn er *Søråker'n, Eikra* og *Kjølve.* Frå øvre Brenn vart det rent tømmer ned *Renna* til Islandselve før vegen kom. Det vart også rent tømmer i *Fiskhøldale.* Skogen er 450 da. Frå øvre Kambe kjøpte øvre og nørdre Brenne ein skogteig, som vart delt ved kontrakt i 1902.

Vanleg krøtertal var 4 kyr, ungdyr og sauer. Lenge var det to hestar til tømmerkøyring. No har dei ca. 65 vinterfôra sauer.

Gamlestugu stod lengre nord på jordet enn der tunet no er. Nytt våningshus vart oppsett i 1920, fjøs 1918, ny låve 1961 og garasje 1973. Nytt fjøs vart bygt i 1983, låven påbygd i 1984 og våningshuset påbygt og restaurert 1985—86. Stabburet skal vera frå den fyrste Guttorm Olson si tid, og stod på det gamle tunet på nedre Brenn til 1921, då det vart flytta opp. På det gamle tunet stod også til 1976 ei stugu som ikkje vart gjort ferdig, og vart nytta til lyu. Huset vart selt til hytte i 1975. I *Fiskhøldale* har bruket del i sag og fôrlyu.

Setra Svarttjednsetre, eller helst Svartsetre, ligg i sameiga. No er det bilveg fram, men den gamle vegen er framleis i bruk til krøterdrift og anna. Svartsetre var før to setrar. *Lykkja* er den gamle Brennsetra, der det enno syner tomter etter hus. Den andre delen, der husa no står, er kjøpt frå Nil-

sebøle. Her er gamal bu og gamalt fjøs, medan låven er oppsett i seinare tid. Like ovafor seterhusa er ein rund haug med flat topp, *Svartseterfeten.* Her var danseplass ved jonsok og i åsslåtthelga til langt ut i trettiåra.

Den fyrste vegen opp Brennabakkatn vart graven om lag 1890 frå Koparviken ved samarbeid mellom Martin Islandsmoen, Kristoffer og Arne Koppervik, Hans Brenden på søre Brenn og Knut Brenden på øvre Brenn. Vegen skulle også tene som seterveg for Koparvike og Islandsmoen. Etter at det kom fylkesveg i Lundebygden, vart det laga gardsveg til Brenne i 1958. Til fylkesvegen er 1800 m. Hausten 1977 vart arbeidt traktorveg som skogveg i Brennabakko for båe Brennabruka.

Nørdre Dølvesbrenne bnr. 15

Nørdre Brenne utgjer halvdelen av nedre Brenne etter delinga av den gamle plassen Dølvesbrenne i 1822.

I 1824 selde Tora Gudbrandsdotter, enkje etter Arne Olson, halve øvre Brenne til Sjugurd Sjugurdson, bror til Mikjel Sjugurdson som hadde kjøpt nedre Brenne. Mikjel delte nedre Brenne, og selde halvdelen til Sjugurd i 1825. I 1852 selde Sjugurd halvdelen sin av øvre Brenne til det andre Brennabruket.

Sjugurd Sjugurdson Bagn, søre Dølvesetre 48/11, f 1793 d 1871 g 1821 m *Tora Larsdotter Storøydgardseige,* søre Bagnsjordet 39/13, f 1795 d 1846. Barn:

1. Sjugurd f 1821 d 1822.
2. Anne f 1823 d 1846.
3. *Kari* f 1825, brukar etter broren Lars.
4. Sjugurd f 1827 d 1908 i Pigeon Falls, Wisconsin, til Hallingdal 1848, budde i Brenn i 1865. Ved folketeljinga 1875 var Sjugurd privatlærar på Langøydgarde. Sjugurd var lærar i Noreg meir enn 30 år, og kom til Amerika hausten 1884. (Valdres 22.12.1908.)
5. Maria f 1829 gm Ola Olson Kristenbrøtin, sjå Uleberg 8/4. I 1853 fekk Maria dottera Anne Thorine med Ola Fredrikson Rustadenga, Toten.
6. *Lars* f 1834, læraren og bygdediktaren Lars i Brenn, neste brukar.
7. Siri f 1839 gm Erik Erikson Hagatn, sjå Hagatn 11/11.

I 1861 selde Sjugurd Sjugurdson for 200 spd. til sonen *Lars Sjugurdson* gm *Anne Olsdotter Øydgarden,* sjå Hellinge 11/4.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 3 mål rå og vassjuk åker og dyrka eng, 24 mål magert slåtteland, hamninga var god, dei lauva 200 kjerv, og eigedomen var tungbrukt. I 1865 hadde dei 3 naut, og sådde 1/8 tønne rug, 1 tønne bygg og 1 tønne poteter.

Lars Sjugurdson selde i 1870 for 100 spd. til verbroren *Bjørn Andreasson Hølersetereige,* Gunhildbrøtin under Hølersetren, f 1833 g 1862 m *Kari Sjugurdsdotter Dølvesbrenne* f 1825. Dei budde før i Gunhildbrøta. Familien reiste til Amerika i 1881. Barn:

1. Tonette f 1863.
2. Gjertrud f 1865 d 1865.
3. Anne Marie f 1869.

Etter at Bjørn og Kari flytta, ser det ut for at nørdre Brenne lenge stod folketom. Bruket er korkje nemnt i 1891 eller 1900.

I 1881 selde Bjørn Andreasson for 1000 kr. til *Nils Hansson Grimsrud,* som i 1883 selde for same sum til *Kristoffer Erikson* i midtre Koparviken.

Kristoffer Koppervik selde i 1921 til sonen *Johannes Koppervik.* Johannes selde i 1930 til broren *Arne Koppervik* f 1893, som budde i Brenn. Johannes tok unna og bygde bureisingsbruket Myrvang.

I 1967 selde Arne Koppervik til skreddar og kjøpmann *Ola Berg* i Bagn. Han selde i 1970 til sonen *Martin Berg,* Berg i Bagn, f 1930 gm *Ragnhild Hansen Løken,* Askim, f 1930. Martin Berg er kaptein og verkstadsjef på Lillehammer. Dei bygde nytt bustadhus i nørdre Brenn i 1976, og bur her. Barn:

1. Marit f 1956 gm Espen Thorsrud.
2. Inger f 1958 gm Ole André Berge.
3. Ole Øyvind f 1969.

Nørdre Dølvesbrenne er eit lite bruk med 5 da. dyrka jord, og var bratt og tungbrukt. Jorda er no bortleigd. Det var tungvint når fôrlyu i eldre tid stod lengst nede på jordet, slik at høyet måtte fraktast opp ettersom ein trong det. Ei lyu står enno att nede i bakkane. Det meste av husdyrfôret vart teke i utslåttar nede i dalane og som myrslått på åsen. I Grånlien var m.a. slåtten *Nilsedokke,* som også hadde ein dyrka jordflekk. For rettane her fekk nørdre Brenne tildelt skog ved utskiftinga i Grånlien i 1933. Eit skogstykke som vart kjøpt av båe Brennabruka frå øvre Kambe, vart delt ved kontrakt i 1902.

Myrvang bnr. 46

Bureisingsbruket Myrvang er rydda på delen til nørdre Brenne av skogstykket på åsen som vart kjøpt frå øvre Kambe, sjå ovafor. Frå gamalt var her slåttar med storr og fintopp som vart slått og lagd i kuv til vinterføret. Kristoffer Koppervik, som åtte nørdre Brenne, ville laga seter. Saman med sonen Johannes, som kjøpte Brenne i 1921, bygde han kring 1920 uthus med eit rom til å vera i, og tok til å rydde slåttemark og gjerde inn. I 1924—25 vart eit førebels bustadhus oppsett.

I 1928 vart Myrvang med skogen omkring utskild frå nørdre Brenn, og Johannes søkte om å få drive bureisingsbruk. Myrvang og setrane ikring gjekk saman om å byggje veg frå Høgemyr. Hittil hadde ein måtta køyre alt utstyret med hest opp brattbakkane frå Brenn eller bore det på ryggen. 12—15 da. vart grøfta og pløgd. Johannes og familien budde på Myrvang i om lag fem år. Då barna kom i skulealderen, var dei her berre av og til utanom sumarhalvåret.

Krigsvåren 1940 vart huset øydelagt. Mange frå bygda hadde rømt hit opp då kampane tok til nede i dalen. I fjøset stod hestar frå bygda i tillegg til eigne krøter. Ein dag kom ein norsk skipatrulje forbi Dei vart vel mottekne, fekk mat og kom inn for å varme seg. Brått var fienden der. Døra gjekk opp, ein bajonett kom til syne, men tyskarar stupte innover golvet då det small frå dei norske soldatane. Eit glas vart utslått, og kraftig eld mot skogen jaga dei andre tyskarane nedover att. Alle som ein

rømde straks til setrar lengre vest. Litt etter kom tyskarane att og brende huset.

Etter at snøen gjekk om våren, fekk Johannes ei seterbu på setra Dyngen, som han flytta til Myrvang. Seinare var bua påbygd til eit bra våningshus. Seinare bygde Johannes eit nytt hus.

Myrvang blir no mest nytta som feriestad. Sønene er eigarar etter Johannes.

Johannes Koppervik, midtre Koparvike 50/5, f 1895 d 1986 g 1916 m *Olava Larsdotter Kløvstad* f 1899 d 1947. Barn:

1. Kristoffer f 1916 gm Astrid Røang, Bjørgo.
2. Sigrid f 1919 d 1961 gm Reidar Kjus, Tønsberg.
3. Leif f 1922 d 1987 gm Anne Marie Larsen, Redalen.
4. Alfred f 1928 d 1930.
5. Alfred f 1934.

Nørdre Dølve (Kamben)

I 1764 vart Dølve delt i to delar, kvar med ei skyld av 8 skinn, mellom brørne Ola og Sjugurd Arnesøner Dølve. Seinast i 1780-åra må nørdre Dølve, dels også nemnd som nedre Dølve, ha fått den tidlegare plassen Kamben som hovudbøl, og er difor også kalla Kamben.

Dei fyrste kjende husmannsfolka i Kambe er *Gunnar Ivarson Åsen,* Åsen bruk II, f ca. 1681 d 1746 g 1. 1701 m *Eli Jonsdotter* f ca. 1679 d 1731. Dei er nemnde i Åse 1702—15 og i Hesthaga 1718. I 1732 var Gunnar husmann under Dølve, og kan ha budd her ei tid. Båe han og Eli døydde på Dølveseigedom. I 1711 fekk Gunnar Ivarson Åsen og Siri Østensdotter Garthus sonen Ellend. Barn til Gunnar og Eli:

1. Ivar f 1702.
2. Ingrid f 1704.
3. Guri f 1706 d 1713.
4. Jon f 1708 d 1708.
5. Siri f 1709 gm Knut Kristenson Dølve, sjå nørdre Lundatn.
6. Jon f 1711 d 1712.
7. Guri f 1715 gm Mikjel Arneson Bagn, sjå øvre Storøydgardseige.
8. Ivar f 1718 d 1739.

Gunnar Ivarson g 2. 1733 m *Ingrid Embreksdotter.*

Ved delinga i 1764 fekk *Sjugurd Arneson Dølve* f 1734 g 1764 m *Beret Andersdotter Garthus*, Åsen, f 1722 d 1784, den halvparten av Dølve som iallfall seinare omfatta Kamben, sjå Dølve. Sjugurd Arneson g 2. 1785 m *Anne Mikjelsdotter Tronhus,* sjå søre Dølvesetre 48/10. Barn til Sjugurd og Beret:

Gunhild f 1765 d 1766.

I 1774 selde Sjugurd Arneson for 1199 rd. til *Mikjel Olson Grimsrud* gm *Kari Haraldsdotter Dølve,* sjå Bakke i Hedalen. Sjugurd opplyste i odelssaka i 1793 at 399 rd. var for livaure til seg og kona for livstid, slik at Mikjel betalde 800 rd. i pengar.

Mikjel Olson selde i 1782 for same sum til *Knut Olson nørdre Torsrud* f 1749 d 1829 g 1. 1775 m *Kari Haraldsdotter Dølve*, mogleg frå Garthus og f 1755, d 1784. Ved skiftet etter Kari i 1784 var bruttoeiga 800 rd. og nettoei-

ga 117 rd. Jordegodset var taksert for 650 rd. Barn:

1. Tøren f 1775 g 1. m Ola Olson Dølve, sjå Dølvesbrenne, g 2. m Andreas Hansson Jukam, sjå Dalen under midtre Jukam.
2. Beret f 1777.
3. Anne f ca. 1778 gm Ola Hansson Juve, sjå Juve 26/2.
4. Harald f 1780 g 1. m Gunhild Olsdotter Gudmundslie, sjå der, g 2. m Beret Andersdotter Lundatn, sjå Køldokke 48/7.

Knut Olson g 2. 1786 m *Rangdi Nilsdotter Dal* f ca. 1759 d 1787. Barn:

Rangdi f 1787 d 1787.

Knut Olson g 3. 1787 m *Marit Aslaksdotter Austegarden,* Hølle 2/6, f 1759 d 1824. Barn:

1. Ola f 1788.
2. Aslak f 1789 gm Kari Hallsteinsdotter Nerby, sjå Midtlie 22/16.
3. Ola f 1792 gm Marit Olsdotter Landsenden, sjå under Fesholt i Hedalen.
4. Marit f 1794 d 1795.
5. Kari f 1797 gm Hermann Sjugurdson Klemmetsrud.
6. Ola f 1800 d 1800.
7. Knut f 1801 gm Gunhild Ivarsdotter Bagn, sjå nørdre Bagnsjordet 39/12.
8. Marit f 1804 gm Aslak Olson Liabrenne, sjå Nerli 1/20.
9. Anne f 1807 gm Levor Andersson Lundatn, sjå øvre Lie 22/18.

I 1793 vart Knut Olson stemna med odelssøksmål av Tøstein Arneson Dølve, son til Arne Olson Dølve som døydde i 1764. Tøstein kravde å få løyse inn garden, og tilbaud seg å betala Knut 700 rd. Domen i 1794 fastslo at Tøstein hadde hatt odels- og innløysingsrett. Men han hadde mista retten av di han ikkje hadde framsett kravet om godset i tide. Knut vart frifunnen, og Tøstein måtte betala sakskostnaden hans med 20 rd.

I 1796 hadde Tøstein anka saka inn for lagmannsretten. Men resultatet kan ikkje ha vorte annleis enn i underretten, ettersom Knut heldt fram som brukar.

I 1803 selde Knut Olson skog under garden for 1300 rd. til kammerherre Peder Anker. Skogen vart skyldsett i 1806 for 2 2/3 skinn.

I 1808 selde Knut garden for 3500 rd., m.a. med plassane Dølvesetre — søre Dølvesetre — og Dokke, til *Arne Hermannson Bagn,* Bøen 11/12, f 1767 d 1854 på Leite g 1790 m *Marit Eriksdotter Bjørgo* f ca. 1771 d 1821 på Kambe. Arne Hermannson åtte nedre Bagn bruk Ia frå 1790, som saman med nedre Bagn bruk Ib vart seld til prestegard i 1808. Barn:

1. Kari f 1792 d 1810.
2. *Hermann* f 1793 gm Guri Sjugurdsdotter Ølmhus, sjå øvre Dølveskamben 48/5.
3. Ingrid f 1795 d 1810.
4. Erik f 1797 g 1. m Dordi Olsdotter Velingsrud, g 2. m Lussi Julsdotter Jukam, sjå båe gonger søre Dølvesetre 48/11.
5. Ola f 1799 gm Beret Gudbrandsdotter Dølve, sjå nørdre Leitet 48/1.
6. Knut f 1801 gm Beret Olsdotter Dølve, sjå nørdre Bøle 25/5.
7. Ola f 1803 gm Gjartrud Eriksdot-

ter Dølvesetre, sjå Bjødnaskaret 47/9.
8. Guri f 1805 gm Johannes Olson Haugrud.
9. Marit f 1807 gm Erik Julson Jukam, sjå Koparvikbrenne 50/2.
10. Kari f 1810 gm Trond Hallvorson Bakkatn, sjå øvre Slettet 12/3, 15.
11. Sjugurd f 1812 g 1. m Kari Arnesdotter Åsen, g 2. m Siri Hallsteinsdotter Leikebakke, sjå båe gonger Tåmåsbrøtin 52/3.

I 1811 selde Arne Hermannson for 800 rd. til sønene til den førre eigaren, *Ola* og *Aslak Knutssøner,* ved verje. Arne inngjekk avtale med Knutssønene om å selja etter di dei hadde rett til innløysing. Straks etter selde brørne attende til Arne for 1000 rd., som heretter skulle vera fri for odelssøksmål.

I 1818 selde Arne Hermannson halve garden, nedre Kamben bnr. 6, til Erik Timannson Austegarden. Den andre halvdelen, øvre Kamben bnr. 5, selde Arne året etter for 50 spd. til sonen Hermann. Til øvre Kamben høyrde også plassen Skaret og ein del i plassen øvre Bergatn. Tuna på øvre og nedre Kamben låg saman der øvre Kamben no er, men ved utskiftinga for Kambagardane i 1884 vart husa for bnr. 6 flytta ned. I 1867 inngjekk oppsitjarane på Dølve og Kambe delekontrakt.

Øvre Dølveskamben bnr. 5

Hermann Arneson nørdre Dølve f 1793 d 1856 g 1815 m *Guri Sjugurdsdotter Ølmhus* f 1794 d 1859. Barn:

1. Arne f 1816 d 1841.
2. Sjugurd f 1819.
3. Knut f 1822 d 1822.
4. Marit f 1823 gm Erik Hallvorson Dokke, sjå Køldokke 48/7.
5. *Knut* f 1825, neste brukar.
6. Anne f 1828 gm Arne Erikson Dølvesbergatn, sjå Dølvesbergatn 48/3.
7. Ola f 1831, til Amerika 1855.
8. Kari f 1833 d 1834.
9. Hermann f 1835 d 1836.
10. Guri f 1837 gm Timann Erikson Dalslie, sjå søre Ruste 97/3.

I 1857 selde Guri Sjugurdsdotter til sonen Knut for 400 spd. I salet inngjekk også plassen nedre Bergatn, som Hermann hadde overteke. Samstundes kjøpte Knut eit areal frå nedre Dølveskambe for 70 spd., utskilt derifrå i 1857.

Knut Hermannson Kamben f 1825 d 1906 g 1858 m *Olea Olsdotter øvre Sørflate* f 1825 d 1889. Barn:

1. *Herman* f 1859, neste brukar.
2. Guri f 1861 gm Harald Mikkelson Sørflate, sjå Austflate 28/4.
3. Ole f 1862 gm Inger Arnesdotter Øyhus, sjå Smedmoen 50/23.
4. Olea f 1863 gm Anders Olson søre Tronrud.
5. *Knut* f 1865, brukar etter broren.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 18 mål ganske god åker og dyrka eng, 60 mål magert slåtteland, frå Grånlien og Plasse kom 29 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, dei lauva 600 kjerv, og garden var noko tungbrukt. I 1865 hadde dei 1 hest, 9 naut, 10 sauer, 9 geiter, 2 grisar, og sådde 1/8 tønne rug, 1 tønne bygg, 3 tønner blandkorn, 1/8 tønne erter og 5 tønner poteter.

Knut Knutson Kamben f 1865 og Dorthea Olsdotter f Velingsrud 1867 med barna Kristian, Olea og Ole, i kjole. Knut og Dorthea gifta seg i mai 1891, og reiste til Kristiania på bryllaupsreise. Fyrst med hest til Sørum, deretter båt til Engerodden og tog til Kristiania.

Herman Knutson Kamben g 1882 m *Kari Syversdotter Hølersetre* kjøpte garden av faren for 600 kr. i 1891. Dei klarte ikkje å halde på Kamben, og flytta til Kambaplassen, no Haugli, i 1905. Herman var kalla «Herman Mjølnar».

I 1906 kjøpte *Knut Knutson Kamben* f 1865 d 1959 garden av broren, g 1891 m *Dorthea Olsdotter Veglingsrud* f 1867. Knut K. Kamben var ein flink skomakar. Barn:

1. *Kristian* f 1892, eigar ei tid, gm Anne Andersdotter Hovdet, sjå Steinsvoll i Bagn.
2. Olea f 1894.
3. Ole f 1896 d 1900.
4. Ingvald f 1898 d 1899.
5. *Ole* f 1900, brukar etter Kristian.
6. Ingvar Magne f 1902 gm Marit Hansebråten. Ingvar fekk Kambaplassen, no Haugli, til bureisingsbruk, sjå Haugli 48/43.
7. Halfdan f 1909 gm Berte Sørflaten, busette i Bagn.
8. Aslaug f 1911 gm Svein Brattrud, sjå øvre midtre Brattrud 23/14.

Kristian Kamben f 1892 kjøpte garden av faren i 1922.

I 1937 fekk broren *Ole Knutson Kamben* f 1900 auksjonsskøyte, g 1932 m *Marit Andersdotter Thorsrud,* Torsrud 30/4, f 1909. Barn:

1. Dorthea f 1935 gm Asbjørn Holt.
2. Dagny f 1938 gm Tidemand Kolsrud, Begnadalen.
3. *Knut* f 1940 neste brukar.

Knut O. Kamben f 1940, eigar frå 1972, g 1972 m *Aase Renden* f 1950. Barn:

1. Ole Herman f 1973.
2. Anders f 1977.

Øvre Kamben, ca. 350 m o.h., har jordvegen i bratt lende, men noko er lettbrukt. Innmarka er 48 da., av det om lag 30 da. dyrka jord. I tillegg leiger brukaren jord utanom garden. Ein slåttebråte ovafor Marken, Kambabrøtin, vart seld til Marken fyrst på 1800-talet. Ein åker heiter *Haraldsåker'n.* Like ved garden er *Eldhusdal'n.* Her stod eit eldhus som vart teke av skred flaumåret 1860. Leire, stein og vatn øydela mykje jord nedover eige-

Stølsflytting frå øvre Kambe. Frå venstre Ingvar Kamben, faren Knut, Aslaug (Brattrud), Olea, mora Dorthea og Ole med hesten.

domen. Heime er om lag 70 da. skog, og i sameiga to teigar, i alt 300 da. Herman Knutson, som selde garden i 1906, hadde selt eit skogstykke i ytre Grånlien til Brennabruka, som delte dette.

Det eldste huset er eit stabbur frå 1791, oppsett av Knut Olson. Om lag 1898 brann våningshuset. Då vart livaursstugu frå 1875 påbygd og teken i bruk. Dette huset vart rive i 1967. Våningshus vart bygt i 1928, og nytt våningshus 1977. Nytt uthus 1960. Låven frå 1876 og gamlefjøset vart då rivne.

Den gamle setra på midtre Grånlien selde Herman Knutson, truleg i 1901. No er Ola Leite eigar. Broren Knut Knutson kjøpte kjøpte nørdre Grånlie, lenge kalla *Sørlitrøe* av di ho hadde høyrd til Sørli, av Anne Dølvesæter nokre år etter. Her bygde Knut ny bu. Stigen hit gjekk før lengre nord enn den vanlege vegen for Grånlisetrane. Eit vad over Storebekken heiter enno *Sørlivaet*. Knut O. Kamben har nydyrka eit felt i utmarka ved setra. Ny seterbu vart bygd i 1981, nytt fjøs stod ferdig i 1985.

Nedre Bergatn

I 1818 selde Arne Hermannson Kamben ein plass under garden, nedre Bergatn, for 50 spd. til *Ola Knutson Kamben,* son til den førre eigaren av Kamben, Knut Olson. Plassen vart vurdert til 1/2 skinn, og skyldsett frå Kambe i 1822. Ettersom grensene er oppgjevne og Ola Knutson fekk rett til å rydde ein setervoll, må nok plassen då ha vore ny. Denne plassen, den tredje med

namnet Bergatn i tillegg til dei to Bergaplassane lengre sør, fekk berre ei kort levetid, og gjekk deretter inn i øvre Kamben. Namnet *nedre* Bergatn er no brukt om bnr. 11, i 1818 nemnd som *søre* Bergatn.

Plassen Ola Knutson kjøpte er venteleg identisk med Sørei, som vart utskild frå øvre Kambe i 1891. Dette bruket har nemleg i eldre tid vore kalla *Knutsonbergatn.*

Ola Knutson måtte også svara noko av livauret til foreldra sine, Knut Olson og Marit Aslaksdotter: 1 ku og 1 småkrøter skulle fødast kvart år til dei om sumaren kunne nære seg sjølve. Som ein del av livaursytinga fekk Ola bruke ein slått nede i Dølveseterengen, søre Dølvesetre, som på den nørdre sida fylgde ein bekk, gjekk ned til allfarvegen, sørover langs vegen til «Slimsebakken» og oppover til eit le i gjerdet til plassen ved søre Bergatn.

I 1822 selde Ola Knutson nedre Bergatn for 50 spd. til *Anders Arneson nørdre Roo* gm *Gunhild Hermannsdotter Bøenseige,* som skulle betalast til Ola Grimsrud for å innfri gjeld. Anders Arneson kjøpte Navrud 11/3 i Reinli i 1837, sjå der.

Seinare gjekk nedre Bergatn inn i øvre Kamben, for plassen høyrde med då Knut Hermannson overtok garden i 1857.

Søre Dølvesetre bnr. 11

Plassen søre Dølvesetre ligg nede i dalbotnen, 240 m o.h. Det meste av jorda er flat moldjord. Gamlevegen som vart bygt gjennom dalen etter 1800, gjekk gjennom tunet, og er i bruk som gardsveg. Riksvegen deler no jordet på langs. I 1840 og -68 vart inngått delekontrakt om skog m.m.

Båe Dølveseterbruka må ha fått namn av at dei opphavleg vart brukte som beiteland og til slått, fyrst for Dølve, seinare for nørdre Dølve eller Kamben. Eit direkte vitnemål er namnet *Dølvesenge*, som i eldre tid er nytta om søre Dølvesetre.

Søre Dølvesetre er med visse fyrste gong nemnd i 1767. Då pantsette Sjugurd Arneson nørdre Dølve plassen Enge, slik den no var inngjerda og med eit skogstykke, som brukeleg pant til *Sjugurd Sparkevik* for eit lån på 600 rd. Pantet skulle tre i kraft 14. april 1768.

Sjugurd Arneson selde nørdre Dølve i 1774 til Mikjel Olson Grimsrud, som selde vidare i 1782. I skøytet frå 1782 er opplyst at plassen Setre eller Dølvesenge var unnateken frå salet av di Sjugurd Arneson og kona hans, Beret Andersdotter, brukte han som livaure. Sjugurd og den andre kona hans må framleis ha vore her i 1801, då dei er nemnde på ein plass under Dølve.

Sjugurd Arneson Dølve, Dølve bruk I, f 1734 g 2. 1785 m *Anne Mikjelsdotter nørdre Fønnhus* f 1756 mogleg d 1810. Barn:

1. Guri f 1786 d 1786.
2. Arne f 1788, klokkar, gm Anne Gulliksdotter Bagn, sjå Klukkarmoen 39/4.
3. Mikjel f 1789 d 1789.
4. Mikjel f 1790 gm Guro Eriksdotter Tronhuseige, sjå Hellandshølen 54/bruk A.
5. Sjugurd f 1793 gm Tora Larsdotter Storøydgardseige, sjå nedre Dølvesbrenne 48/15.
6. Ola f 1795 d 1800.

Helge G. Dokken og Ole E. Dølvesæter grev ut tomt til ny låve på setra til søre Dølvesetre i 1957. I bakgrunnen er bua og fjøset på setra til nørdre Dølvesetre. Fjøset vart sett opp av Mikkel S. Dølvesæter ca. 1900. Ole O. Tronsplass, «Snuggin», var tømmermann.

7. Mari f 1797 gm Ola Larsson Tronhus, sjå Lindokke under Steinsetren.

I 1808 selde Knut Olson nørdre Dølve eller Kamben, som han hadde åtta ei tid, til Arne Hermannson Bagn. Då hadde det vore sak om søre Dølvesetre, som etter domen skulle høyre under nørdre Dølve.

Arne Hermannson delte Kamben, som han selde i 1818 og -19, men heldt att søre Dølvesetre. I 1830 selde han for 50 spd. til Sjugurd Mikjelson nørdre Dølvesetre, som framleis vart buande i nørdre Dølvesetren. Med søre Dølvesetre fylgde plassen nedre Bergatn, halve setra Grånlie, halve heimsetra og noko utmark. Kjøparen skulle svara livaure til Arne Hermannson og sonen Erik Arneson. Arne Hermannson budde ei tid på nørdre Leite og døydde der, men sonen Erik brukte søre Dølvesetre.

Erik Arneson nørdre Dølve f 1797 d 1866 i Dølvesetren g 1. 1824 m *Dordi Olsdotter Velingsrud* f 1792 d 1825. Erik Arneson g 2. 1835 m *Lussi Julsdotter øvre Jukam* f 1794. Barn:

Marit f 1837, neste brukar.

I 1861 selde Sjugurd Mikjelson i nørdre Dølvesetren for 200 spd. til sonen *Ola Sjugurdson nørdre Dølvesetre* f 1830 d 1908 g 1857 m *Marit Eriks-*

Saueklipping inne på kjøkenet i søre Dølveseteren. Ola Dølvesæter fører saksa. Else Marit, eigar no, held sauen.

dotter Sørli, søre Dølvesetre 48/11, f 1837 d 1894. Barn:

1. Syver f 1857 d 1857.
2. Ragnhild f 1859 d 1904. Ragnhild fekk i 1893 dottera Elise med Johan Iverson Biribakkin. Johan skal ha reist til Amerika.
3. *Syver* f 1861 d 1894, eigar ei tid saman med broren.
4. *Erik* f 1864, neste brukar.
5. Mikkel f 1867 d ung.
6. Ole f 1869 d 1960. Ole sette opp ein bygning og eit lite uthus sør på eigedomen, Skogly bnr. 45, og budde der åleine. Seinare har det budd folk her meir tilfeldig, mest turistar.
7. Anne Maria f 1870 gm Mikkel Olson Bagnsjordet, sjå Navrud 10/2.
8. Leander f 1873.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 25 mål god åker og dyrka eng, 30 mål godt slåtteland, frå Bakko, Tobakkbrenn, Grånlien og Svølkopp kom 45 skippund godt høy — det var stor fôrhaust frå utmarka, hamninga var tilstrekkeleg, dei lauva 1000 kjerv, og bruket var utsett for oversvømming. I 1865 hadde dei 1 hest, 9 naut, 11 sauer, 12 geiter, 2 grisar, og sådde 3/4 tønne rug, 7 tønner blandkorn, 1/8 tønne erter og 6 tønner poteter.

I 1891 selde Ola Sjugurdson for 2400 kr. til sønene *Syver* og *Erik*. Syver døydde i 1894, og hadde testamentert delen sin til Erik.

Erik Olson Dølveseter f 1864 d 1949 g 1904 m *Elise Olsdotter Erstad,* Fossnær 22/20, f 1876 d 1956. Barn:

1. Magnhild f 1905, har dottera *Else Marit* f 1951, som er eigar no.
2. *Ola* f 1908, neste brukar.
3. Olav f 1911 d 1911.
4. Marie f 1913 d 1917.
5. Marie f 1918 gm Ole Frøshaug, sjå nørdre Dølvesetre 48/10.

I 1934 selde Erik Olson til sonen *Ola Erikson Dølvesæter* f 1908 d 1980. Ola var kasserar for Bagn Bygdesamling i mange år. Ola testamenterte garden til *Else Marit,* dotter til systera Magnhild. Else Marit har sønene Ola f 1981 og Magne f 1984.

Søre Dølvesetre har 47 da. innmark, av det 35—40 da. dyrka jord. Utslåttane er utlagde. Tidlegare var det 5—6 kyr, 1—2 hestar og 10—15 sauer. No blir dyrka noko korn. Åkernamn er *Bergahalle, Badstuguhalle* og *Svenskeåker'n.* Slåtteland var *Øye, Slimsa, Steingjerdet* og *Brennesledal'n.* Oppe på *Åkerhallberge* ved *Åkerhalle,* ein liten rydning oppe i Heimåse som no høyrer til Haugli, var i eldre tid ein mykje nytta danseplass som låg vent til. Skogen er på 450 da.

Ole O. Dølvesæter f 1869 fortalde at han hugsa fyrste møkkgreipa som kom til garden. Det var ein ny vidunderreiskap som folk kom for å sjå.

I søre Dølvesetren var tidlegare to stabbur. Det eine var mykje vakkert og stod på stabbar. Nytt stabbur 1905. Våningshuset er frå 1847, restaurert

På låvebrua i søre Dølvesetren ca. 1938. Fremst sit Elise f Kløvrud, mannen Erik og Ole, bror til Erik. Bak Elise Dølvesæter, Marie Frøshaug, Magnhild Dølvesæter, Ola Dølvesæter og Ingvar Kløvrud.

1928. Låven vart restaurert om lag 1900. Fjøs i betong som tilbygg til låven vart oppsett 1940. Eit gamalt eldhus har innmura bakaromn i peisen. Garasje 1967.

Setra Tobakkbrenne øvst på Grånlien har høyrt til garden frå gamalt. Setervegen gjekk opp om Dølve og vidare den gamle setervegen herifrå. I seinare tid vart fløtningslass haust og vår køyrt med kjerre eller vogn opp Vestre Bagn. På setra er nydyrka om lag 15 da. Tidlegare var ei slåttelykkje nordafor bekken. No er denne utlagd, og eit felt ovafor er inngjerda og dels dyrka. Seterbua er frå 1920, fjøset frå 1937 og låven frå om lag 1955. Det gamle fjøset var todelt med gang imellom, og hadde fôrtrev over med køyrebru.

Søre Dølvesetre og nørdre Leitet hadde ein halvdel kvar av haustsetra Svølkopp — namnet blir brukt om ein bjørkegrein til å bera fôr i — som ligg øvst i Grånlien sønnafor Flæbekke. No er vollen tilvaksen. Dei siste restane av hus var synlege til om lag 1970. I 1920 vart setra utskild frå søre Dølvesetren og nørdre Leite, og seld same år til Olaus Islandsmoen. Han selde i 1941 til Trond Øyhus.

På elvestranda nedafor garden har eigaren drive campingplass.

Nedre Dølvesbergatn bnr. 20

Plassen nedre Dølvesbergatn, i daglegtale nedre Bergatn, må vera han som i skøytet ved salet av nedre Bergatn i 1818 er nemnd som *søre* Bergatn. Nokre år etter er namnet *nedre Bergatn,* sjå også Dølvesbergatn. Nedre Bergatn, 335 m o.h., ligg nedafor den eldste plassen Bergatn, som er kalla øvre Bergatn. I eldre tid gjekk ein gangveg forbi plassen for dei som skulle utover dalen. Vegen heiter framleis *Stegabakkin* eller *Stegahompen* av di det bar utfor eit bergufs der ein måtte klive ein stige, og kom ned i *Hanserenna.*

Nedre Dølvesbergatn ser ut til å vera rydda etter 1800, og høyrde til Kamben. Etter at Arne Hermannson hadde delt og selt Kamben i 1818 og -19, selde han søre Dølvesetre i 1830. Med i salet var m.a. plassen nedre Bergatn, slik han hadde vore brukt. I 1888 vart nedre Bergatn utskild frå søre Dølvesetren.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Knut Olson Føss* f 1787 d 1857 g 1813 m *Ingebjørg Andersdotter nørdre Lundatn* f 1790 d 1864, båe var livaursfolk på Bergo då dei døydde. Dei fekk husmannskontrakt i 1812. Barn:

1. Ola f 1815 d 1816.
2. *Anders* f 1817, neste husmann.
3. Beret f 1821 d 1839.
4. Ragnhild f 1825 gm Ola Guttormson øvre Dølvesbrenne.
5. Olea f 1828 gm Halldor Jeremiasson vestre Erstadbrøtin.
6. Ola f 1830 gm Beret Jonsdotter Fønnhuseige, sjå søre Hellandshølen 54/13.
7. Knut f 1834 gm Barbro Olsdotter Erstadbrøtin, sjå søre Bøle 25/6.

Anders Knutson Dølvesbergatn f 1817 d 1869 g 1852 m *Olaug Olsdotter Finnhert* f 1822, var husmannsfolk i 1865. Anders fraus i hel på fjellet, står det i kyrkjeboka. Tragedien skjedde ved Hølervatnet, er det fortalt. Då budde familien på Skarasetren, og Anders hadde vore i bygda etter mat åt huslyden. Etter at faren var død,

måtte barna setjast bort til folk som kunne syte for dei. Barn:

1. Knut f 1852 gm Marit Olsdotter Kallskøt, sjå øvre Kallskøt 29/4.
2. Ingrid f 1854 gm Mikjel Andersson Li frå søre Li i Hedalen, til Amerika.
3. Ole f 1855, rimelegvis tenestekar i Hølersetren i 1875 og til Amerika 1878.
4. Ingeborg f 1857, til Amerika.
5. Anton f 1859 gm Berte Syversdotter Heiebrøtin, sjå Eidsmoen 57/6,7. Anton kom til nørdre Dølvesetre ni år gamal, og vart der nokre år. Seinare kom han til Trettebrøtin på arbeid, og tok dette namnet.
6. Martin f 1862 d 1863.
7. Martin f 1866. Martin kom til Finnhert, og reiste seinare ut på Ringerike.

I 1865 hadde dei 1 hest, 4 naut, 9 sauer, 3 geiter, og sådde 1 tønne bygg og 2 tønner poteter.

Dei siste husmannsfolka, *Mons Gulson Steinbrøtin* og *Ingebjørg Olsdotter Langedragslie,* er nemnde på nedre Bergo frå 1873. I 1891 var dei husmannsfolk på Hølt 54/33, sjå der.

I 1888 vart nedre Bergatn utskild frå søre Dølvesetren, og same år seld til *Ola Narveson* på øvre Bergo. Deretter stod bruket tomt til son til Ola Narveson, *Narve Olson* f 1890 overtok i 1913 og busette seg der. Narve fekk skøyte av faren i 1914 for 2000 kr. Narve Olson Bergene var g 1913 m *Anna Arnesdotter Johnsen,* Høvda 30/5, f 1889 d 1948. Det var svært lite jord då dei overtok. Narve braut opp den steinfulle jorda det gjekk an å få åker av, og bygde våningshus i 1915, uthus i 1920-åra og nytt uthus om lag 1940. Ein åker kalla han *Haugaåker'n.* Til bruket høyrde også eit slåtteland i *Vøllo.* Ved sida var Narve sliperiarbeidar, og hadde fleire kommunale ombod. I byrjinga av krigsåra kjøpte Narve setra Grånlie av Knut Lindelien, der han tok til med nydyrking og bygde ny låve og seterbu. Sonen Arne har dyrka opp heile setervollen på over 30 da. Vanleg buskap var tre kyr, ungdyr og sauer og ei tid hest. Barn:

1. Olaf f 1913 gm Karine Dølve, sjå nørdre Hellandshølen 54/12.
2. Helga f 1914 gm Erling Stensæter.
3. *Arne* f 1917, neste brukar.
4. Martin f 1919 gm Ida Syverud, Etnedal.
5. Agnes Solveig f 1921.
6. Asbjørn Bjarne f 1923 gm Solveig Salvesen, Sandefjord.
7. Astrid Nora f 1926 gm Willy Janson, Oslo.

Arne Narveson Bergene f 1917 overtok i 1947, gm *Anna T. Larsen,* Plassen 38/8, f 1921. Arne kjøpte traktor i 1954, og dreiv ei tid maskinstasjon i bygda. Dei flytta til Drammen i 1961. Nedre Bergatn har sidan vore feriestad, og jorda er bortleigd. Arne overdrog bruket i 1962 til sonen Norvar, og Grånlisetre same år til broren Olaf på nørdre Hellandshøle. Barn:

1. Grete f 1941 gm Knut Erik Andersen, Oslo.
2. *Norvar* f 1942, eigar frå 1962, gm Grete Rasmussen, Oslo, busette i Drammen. Dei har barna Heidi f 1969 og Tom f 1972.
3. Trygve f 1945 gm Vigdis Eriksen, Drammen.

4. Anne f 1950 gm Helge Martinsen, Drammen.

Dølvesbergatn — seinare øvre Dølvesbergatn bnr. 3

Den eldste plassen Dølvesbergatn, i daglegtale berre Bergatn, må vera noverande øvre Bergatn, 375 m o.h., som også har vore kalla *Mattisbergatn* etter den fyrste kjende husmannen, Mattis Ivarson. Han og kona Marit er nemnde på Dølveseige frå 1778, som venteleg var Dølvesbergatn. Med så mykje berg og knausar i omgjevnaden fall plassnamnet av seg sjølv. Rett aust for husa er ei lita høgd, kalla *Fjellet*. Herifrå er det nesten loddrett ned til dalbotnen.

Den eine halvparten av Dølvesbergatn låg under det gamle hovudbølet Dølve og den andre under Kambe. I 1826 kjøpte *Hallstein Mikjelson Dølve* for 30 spd. den halvdelen som oppsitjarane på øvre og nedre Kambe åtte, og før 1834 overtok han den andre halvdelen frå far sin, Mikjel Reiarson Dølve. I 1834 fekk Hallstein plassen skyldsett. Det heiter då at øvre Bergatn i lang tid hadde vore brukt under fastsette grenser.

Det bruket som heiter nedre Dølvesbergatn, har neppe vorte til ved deling av det gamle Dølvesbergatn, men ser ut til å vera eit bruk for seg sjølv, teken opp etter 1800. Ein annan plass nedre Bergatn er også nemnd, fråseld Kambe i 1818 og utskild i 1822. Denne plassen kan fyrst ha vore rydda kring 1818, men gjekk seinare inn i øvre Kamben.

Mattis Ivarson Dølveseige, nørdre Dølvesetre 48/10, f 1749 d 1815 som husmann på Bergo trulova 1778 m *Marit Kristafersdotter nedre Jukam* f 1757 d 1829. Dei er nemnde på Erstad i 1782, men elles på Dølveseige. Barn:

1. Kristafer f 1778 gm Beret Sjugurdsdotter Vøll, sjå Midtvøll 32/8.
2. Marit f 1780.
3. Ivar f 1782.
4. Hans f 1785 gm Eli Olsdotter Leistrud, sjå søre Leitet 49/3.
5. Ola f 1787 d 1792.
6. Ellend f 1791 d 1792.
7. *Marit* f 1794, neste brukar.
8. Sofie f 1797 gm Ola Olson søre Liaeige, sjå Sofiebrøtin 1/11.

Ivar Olson Dølveseige f ca. 1792 g 1818 m *Marit Mattisdotter Dølveseige* f 1794 d 1850 som innerst på Dølvesbergo. Ved salet av halve øvre Dølvesbergatn under Kambe i 1826 er opplyst at Ivar Olson bruker plassen etter festesetel. I 1827 er dei nemnde i Hølersetren og i 1830 i Koparviken. Barn:

1. Marit f 1818 gm Pål Andersson Skinnrudbrøtin, sjå øvre Brøtin 9/2.
2. Mattis f 1821, til Kristiania frå Leite 1845.
3. Ola f 1823, til Kristiania 1850.
4. Ivar f 1827, til Drammen frå Leite 1842.
5. Kristafer f 1830.

Hallstein Mikjelson Dølve på Dølve bnr. 2, som i 1834 var eigar av heile plassen, makeskifta han i 1836 mot Koparvikbrenne med *Erik Julson*. Erik var frå øvre Jukam og f 1800 d 1886 på Dølvesbergo g 2. 1840 m *Anne Olsdotter Bagnsbakkatn* f ca. 1788 d 1867. Dei hadde ikkje barn. Erik Julson hadde før vore gm *Marit Arnesdotter Dølve,* dotter til Arne Hermannson nørdre

Dølve, sjå Koparvikbrenne 50/2. Ved skiftet etter Marit på Dølvesbergo i 1836 var bruttoeiga 336 spd. og nettoeiga 187 spd. Erik og Marit hadde to gutar. Den eine, Jul, fall utfor eit høyt berg i 1847 og slo seg i hel, vel 14 år gamal. Den andre, Arne, kjøpte Bergatn av faren for 50 spd. i 1863.

Arne Erikson Dølvesbergatn f 1834 d 1911 g 1861 m syskenbarnet *Anne Hermannsdotter øvre Kamben* f 1828 d 1904. Arne dreiv mykje med åkergraving, både heime hjå seg sjøl og kring i bygda. *Bergaåker'n* i søre Dølvesetren er arbeidet hans. Arne Erikson skal ha vore den fyrste på traktene herover som brukte sprengstoff til åkerrydding. Barn:

1. *Marit* f 1863, neste brukar.
2. Guri f 1866 d 1866.

I 1863 vart utskilt eit areal frå nedre Kambe bnr. 6, som Arne Erikson kjøpte same år for 200 spd.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 8 mål vanleg åker og dyrka eng, 18 mål vanleg slåtteland, frå Tangehøle, Mattislien, Bjørnsplasse og Hanserud kom 24 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, dei lauva 200 kjerv, og garden var noko tungbrukt. I 1865 hadde dei 1 hest, 8 naut, 10 sauer, 6 geiter, og sådde 2 tønner blandkorn, 1/8 tønne erter og 3 tønner poteter.

I 1899 selde Arne Erikson til versonen *Ole Narveson Sørflatdalen* f 1860 d 1939 g 1885 m *Marit Arnesdotter Dølvesbergatn* f 1863 d 1941 på setra Tangehølet, som gravferda gjekk ut frå. Ola Narveson dreiv mykje med tømmerkøyring for andre ved sida av bruket. Ola var i mangt ein framsynt mann. M.a. ivra han sterkt for å få bygdefolk til å kjøpe att Grånlie skog — ein del av dei tidlegare Greveskogane — ein gong han var på handel, men ingen hadde mot til å vera med. Ola Narveson bygde også den fyrste brua over Hølerun ved Timannsføssen. Barn:

1. Arne f 1885 d 1885.
2. Sofie f 1886 gm Ole Antonson, Østre Toten.
3. Arne f 1886, tvilling med Sofie, til Amerika.
4. Narve f 1890 gm Anna Arnesdotter Johnsen, sjå nedre Dølvesbergatn 48/20.
5. Anna f 1894 d 1899.
6. Erik f 1898 d 1899.
7. Anna f 1900 gm Ole Mikkelson Kamben, sjå nedre Kamben 48/6.
8. Emma f 1904 gm Ole Andreas Antonson Køldokke, sjå Dølvesskaret 48/27.
9. *Sigurd* f 1909, neste brukar.

Sigurd Olson Bergene f 1909 fekk auksjonsskøyte i 1932, gm *Inger Eriksdotter Espeseth,* Etnedal, f 1905. Barn:

1. Marit Margrethe f 1932 gm Nils Lindelien.
2. Odd f 1934 gm Lisa Green, Orkanger, busette i Mjøndalen.
3. *Erik* f 1937, eigar ei tid, overdrog til broren Svein i 1971, gm Astrid Åsdokken, Skrautvål, busette på Fagernes.
4. Gunnar f 1939 gm Sigrid Navrud, Reinli, busette i Mjøndalen.
5. Arvid f 1942 gm Margit Sagbråten.
6. Signe Oddrun f 1944 gm Arnfinn Hansebakken, Garthus.
7. *Svein Ingmund* f 1947, brukar etter broren Erik.

Svein Ingmund Bergene f 1947, brukar frå 1971, gm *Else Marie Bjørnødegård*, Etnedal, f 1949. Barn:

1. Solvor f 1982.
2. Svein Erik f 1984.
3. Ole Jørgen f 1986.

Gardsvegen frå grendevegen kom før forbi Sørei og opp langs jordet. Her vart for bratt for traktor og bil, særleg om vinteren, og i 1965 vart opparbeidt ny veg rundt ein bergrygg.

Det meste av jordet ligg bratt nedover frå tunet. Av innmarka heime er 20 da. dyrka. Skogen er på 700 da. Gamle utslåttar var det før i *Mattislien,* no kalla *Bergalie*, der det stod ei lyu. Namnet Mattislie må vera etter Mattis Ivarson, den fyrste kjende husmannen, sjå ovafor. Nede i *Hanserennun,* ei skogvaksen renne i bergsida like ned til dalbotnen, var *Skåleslettet.* Herifrå skal fôret ha vore bore opp på ryggen om vintrane. *Hanserenna* er styggbratt, men vart ofte brukt som snarveg. Oppe i åsen låg slåtten *Mattismyre.*

Det gamle våningshuset vart vølt i 1910 og -76. Nytt våningshus er frå 1979. Låve frå 1875 og fjøs frå 1914 vart rivne då nytt uthus vart bygt på same tomt i 1959—60. Elles finst sumarfjøs, og garasje vart bygt i 1977. På tunet var før også eit gamalt stabbur.

Setra Tangehølet ca. 880 m o.h., oppunder fjellet mellom Blomstølen og Ølnessetre, var kjøpt til øvre Bergatn i 1852. Den gamle setervegen gjekk om Dølve, Bergaplassen, Skøllrud, Island og Høgemyr. No blir brukt bil på Veståsvege. Etter å ha lege nede om lag ein generasjon, er setervollen teken i brukt att, og det er nydyrka 23 da. Erik Bergene selde to hyttetomter på setra i 1969. Oppe på Plassaåse, sør for Haugli, er ei nedlagd haustseter, *Bergaplassen,* med litt skog attåt. Det blir fortalt at her også skal ha budd folk. Kring 1914 vart seterbua flytta til nedre Bergatn og omgjort til fjøs. Seinare vart nok vollen slått nokre år. No har skogen stega over skigarden.

Bjødnsplassen eller nedre Bjødnsplassen, no Bjørnstad bnr. 39

Nedre Bjødnsplassen på Plassaåse, som også har vore kjend som *Dehus* eller *Dehusplassen,* var husmannsbruk til 1919. Då vart han utskild frå øvre Bergo med namnet Bjørnstad. Kva namnet *Dehus* kjem av, er uvisst. Dersom ikkje namnet opphavleg var brukt om staden, var det kan hende ein som flytta hit som brakte det med seg. I 1895 døydde ei Gunhild Olsdotter i Brustugun, og det blir opplyst at ho var fødd i Dehus i 1819. Næraste granne til Bjørnstad er Haugli.

Av dei tre tidlegare plassane på Plassaåse med namnet Bjødnsplassen, ser etter brukarrekkjefylgja nedre Bjødnsplassen ut til å vera den eldste. Ved delinga av Kamben i 1818 fylgde nedre Bjødnsplassen med nedre Kamben. Plassen var då bortsett som brukeleg pant til Ola Olson. Då Dølvesbergatn eller øvre Bergatn seinare vart skyldsett frå Kambe og Dølve, fylgde nedre Bjødnsplassen med Bergatn.

Namnet Bjødnsplassen kjem kan hende frå *Bjørn Olson Torsrud.* Han og kona *Ambjørg Olsdotter* er nemnde på Bøen 1745—58, sjå Bøenseige om

Gardstunet i Bjørnstad, før Bjødnsplassen eller nedre Bjødnsplassen, 1945—50.

dei, men båe døydde på ein plass under Dølve i 1773, og hadde nok alt vore her ei tid.

Ola Østenson Kallskøt, Navrudeige, f 1789 d 1862 g 1812 m *Beret Haraldsdotter Leistrud,* Juve 26/2, f 1787 d 1867, var rimelegvis husmannsfolk i nedre Bjødnsplasse. Ola døydde i Bjødnsplasse, og i 1865 var Beret livaurskone i nedre Bjødnsplasse. Dei var på Hesthagaeige 1812, på Sørflatseige 1815, og er nemnde på Dølveseige frå 1819. Barn:

1. Østen f 1812 gm Marit Andersdotter Vassfaret, Vassfaret under Nerby, sjå der, til Amerika 1853.
2. Harald f 1815 gm Anne Olsdotter Ølmhuseige, sjå midtre Bjødnsplassen.
3. Astrid f 1819 d 1820.
4. Ola f 1821 d 1840, drukna i Begna.
5. Hans f 1823 gm Guri Arnesdotter Kambaeige, sjå Dølvesskaret 48/27.
6. Ola f 1827.
7. Aslak f 1830 gm Sesel Olsdotter Brenne, sjå Rundbrøtin 27/3.

Husmannsfolk i 1865 var *Ola Olson Dølveskamben,* Storøydgardseige, f 1821 d 1911 g 1846 m *Gunhild Mikjelsdotter Braka,* Braka 44/1, f 1816 d 1894. Båe døydde i Bjødnsplasse. Barn:

1. Ingebjørg f 1847 gm Hans Gudbrandson Myra, sjå Myra under Sørum.
2. Ole f 1850.

Ein romjulskveld i 1939 i Bjørnstad eller nedre Bjødnsplassen med familien Bjørnstad samla kring kjøkenbordet. Gudbrand f 1892 og Brita Oline f 1895 med ungeflokken. Fremst Ragnhild og Martin, bak bordet Klara Henrikke, Anna Marie og Olaug.

3. Marit f 1853 gm Ole Olson Strømsmoen, sjå Skåne i Begnadalen.
4. *Anne Marie* f 1856, neste brukar.

I 1865 hadde dei 4 naut, 6 sauer, 3 geiter, og sådde 1 tønne bygg og 1 tønne poteter.

Anne Marie Bjødnsplassen f 1856 d 1936 g 1885 m *Ole Hansson Dølvesskaret* f 1857 d 1938 vart deretter nye husmannsfolk. Barn:

1. Hanna f 1886 gm Ellef Erikson Odden, sjå Barlund 39/55.
2. Gunhild f 1887 gm Martin Gudbrandson Hagin, sjå Ølmhushagin 53/18.
3. Oleanna f 1889 d 1925.
4. *Gudbrand* f 1892, neste brukar.
5. Marit f 1895 gm Kristian Olson Hippe, sjå Prestbrøtin 27/9.
6. Ingeborg f 1896 d 1898.

Gudbrand Olson Bjørnstad f 1892 d 1976 kjøpte bruket i 1920 etter skyldeling året før, g 1925 m *Brita Oline Rasmusdotter Kobbeltvedt,* Sotra, f 1895. Barn:

1. Anna Marie f 1926 gm Ola Østgård.
2. Klara Henrikke f 1928 gm Reidar Andresen.
3. Olaug f 1929 gm Arne Bakken, Skrautvål.

4. Ragnhild f 1931 gm O. Hardangen, Fiskum.
5. *Martin* f 1933, neste eigar.

Martin Bjørnstad f 1933 gm *Gudrun Dokken* f 1938. Barn:

Ola f 1973.

Bjørnstad har ca. 15 da. dyrka jord, av det dyrka Gudbrand opp mykje, ca. 20 da. slåttemark, ca. 100 da. produktiv skog og noko anna utmark. Brukarane no har sauer.

Tunskipnaden er om lag som før. Våningshuset er frå 1917, uthuset med låve og fjøs vart påbygt og vølt i 1920. Materialane vart skorne på saga til Juve i Islandselven, og borne på aksla opp dei hengjebratte Juvebakkatn. Stabburet er frå nyare tid. Ei gamal stuguklokke er komen frå Marken, og tilhøyrde Ola Olson Marke — «Markabondin». Denne familien selde alt dei åtte før dei drog til Amerika.

Sørei bnr. 26

Sørei, som er næraste granne til nedre Bergatn i vest, var i eldre tid også kalla *Knutsonbergatn.* Det tyder på at bruket nok er identisk med den plassen nedre Bergatn som vart fråseld Kambe i 1818 til *Ola Knutson,* men seinare kom attende til øvre Kamben, sjå nedre Bergatn.

I 1891 vart Sørei utskild frå øvre Kambe, og seld av Knut Hermannson Kamben til sonen *Knut Knutson Kamben* gm *Dorthea Olsdotter Velingsrud,* sjå øvre Kambe 48/5. I 1900 var Knut gardbrukar og skomakar i Sørei. Knut og Dorthea overtok øvre Kambe, som bror til Knut, Herman, ikkje greidde å halde på. Knut fekk skøyte på øvre Kambe i 1906. Men dei må ha flytta frå Sørei før, for i 1901 selde Knut bruket til Halstein Ivarson Hansebråten.

Halstein Ivarson Hansebråten f 1875 d 1918 under spanskesjuken g 1901 m *Sigrid Erlendsdotter Stensæter* f 1882. Dei tok til seg ein gut, Georg, som tok namnet Søreid, sjå Lønnum 49/5. Sigrid Søreid flytta deretter til Bagn, der ho bygde og dreiv pensjonatet Foss Turistfoss.

Sørei vart lyst til sals, og i 1920 fekk *Martin Lindelien* gm *Anne Halvorsdotter Hagen* skøytte av Sigrid. Martin og Anne tok unna eit areal nedst i jordet, Søreng bnr. 44, sjå der, utskild i 1925, der dei bygde seg ein ny heim.

Visstnok i 1924 selde Martin Lindelien Sørei til Andreas Holt. Skøytet er ikkje tinglyst. I panteregisteret er opplyst om tvangsauksjonar i 1928 og -32, deretter fekk Martin Lindelien auksjonsskøyte i 1937, og Andreas Holt seinare same år.

Andreas Berntson Holt f 1892 d 1973, son til Bernt Andreasson Mjølnarsvee og Anne Monsdotter Holt, g 1924 m *Gunhild Antonsdotter Dokken,* Dølvesskaret 48/27, f 1898 d 1976. Martin Lindelien var farbror til Gunhild. Andreas var ein dyktig tømmerkøyrar, og som brøtningskar av dei beste. Barn:

1. Alma f 1923 gm Hartvig Jansen, Oslo. Dei har bygt hytte på eigedomen, der syster til Hartvig også har ei hytte.
2. *Asbjørn* f 1925, neste brukar.
3. Martin f 1928 gm Gunhild Dokken. Martin fekk frådelt tomt til bustadhus i 1953, sjå Svarstad 48/57.

Asbjørn Holt f 1925 er eigar frå 1949, gm *Dorthea Kamben* f 1935.

Sørei, 330 m o.h., har mykje av innmarka på bratt moldjord, men noko er flatare leirjord. I alt er 25 da. dyrka jord, i tillegg kjem ein liten hamnehage. Skogen er 100 da.

Inntil 1960 kom vegen i Dølvesgrenden på langs over eigedomen. Med nyvegen vart det eit par hundre meter lang gardsveg.

Knut K. Kamben bygde våningshuset i 1892, vølt i 1947, og bygde også uthuset. Erik i Dokken mura ein fin fot til køyrebru, som gjekk i ein halvsirkel. Nytt uthus med fjøs i mur er oppsett i seinare tid. I 1910 vart flytta eit uthus frå Hansebrøtahauge til Sørei.

Setra Tobakkbrennlykkja bnr. 33 vart utskild frå Køldokken i 1906. Andreas Holt kjøpte setra i 1965 av Helge Dokken, og har vølt husa. Her er dyrka 10 da. Setra er i bruk.

Svarstad bnr. 57

Bustadhus på tomt utskild frå Sørei bnr. 26 i 1953, bygt av *Martin A. Holt* frå Sørei f 1928 d 1965 gm *Gunhild Dokken,* Dølvesskaret 48/27, f 1933. Martin Holt var båtbyggjar og snikkar. Barn:

1. Gudbjørg Elisabeth f 1951 gm Jan Rødbergshagen, Etnedal.
2. Anne Lise f 1952 gm Olaf Hagen, Reinli.
3. Ann-Mari f 1957.

Løvstad bnr. 38

Løvstad på Plassaåse, litt ned for Skoglund eller Kambaplassen, vart utskild frå Sørei i 1916. Bruket hadde fleire eigarar, og vart i 1939 selt til bureisingsbruk saman med Skoglund, før kalla *Kambaplassen.* Då var Løvstadskogen bnr. 49 frådelt i 1938. Løvstad og Skoglund er i daglegtale kalla Haugli, sjå der.

I 1917 selde Halstein Søreid Løvstad til *Einar G. Lindelien,* som i 1920 selde til *Torvald Nilsen.* Torvald Nilsen selde i 1923 til *Arne Johanson Gjerdingen.* Han selde i 1928 til *Olaf Fønhus.* Olaf Fønhus delte frå Løvstadskogen i 1938, og selde resten av bruket same år til *Knut Kamben* på øvre Kambe. I 1939 selde Knut Kamben Løvstad og Skoglund som bureisingsbruk til sonen *Ingvar Magne Kamben.*

Søreng bnr. 44

Martin Lindelie kjøpte Sørei med skøyte i 1920, men selde nokre år etter til Andreas Holt. Martin og kona Anne tok då unna eit stykke nedst i jordet, Søreng, der dei i 1924 bygde ein ny heim. Martin hadde før ått Personsetre i Vestre Bagn til 1910, deretter Lindelie til 1920.

Martin Hansson Lindelien, Dølvesskaret 48/27 f 1861 d 1945 g 2. 1908 m *Anne Halvorsdotter Hagen,* Hagin 13/27, f 1856.

Arne Søreng f 1909 i Lindelien voks opp hjå Martin og Anne, og overtok etter dei. Arne er son til Guri Søreid, dotter frå det fyrste ekteskapet til Martin Lindelien med Anne Øilund. Arne driv gardsbruk i Søreng.

Søreng har 15 da. dyrka jord. Den tømra stugu har før stått på Hølt i Hølera, og var med i handelen mellom Martin Lindelien og Andreas Holt då Martin selde Sørei. Martin Lindelien bygde uthuset.

Dølvesskaret bnr. 27

Dølvesskaret, i daglegtale berre Skaret, ligg øvst over Kambabygden, 510 m o.h. Vegen hit var tidlegare stig fram til Dølvesbrøtin eller ned den stupbratte *Køllarenna*. Under tømmerkøyring ned *Køllarenna* gjekk det gale ein vinter. «Reistene» — bremsene — gjekk av, farten auka, og hesten vart hangande i ei kluftegran. Kring 1950 vart det arbeidt såpass veg, over jordet i Dølvesbrøta, at ein kom fram med bil. Fyrst i 1966 kom skikkeleg veg, den siste delen av grendevegen i Dølvesbygden.

Dei fyrste kjende husmannsfolka, *Knut Arneson* og kona *Beret Olsdotter,* er nemnde på Skare frå 1830 til -45, sjå Bøle av Tronrud.

I 1849 fekk *Ola Gudbrandson* og *Ragnhild Olsdotter* dottera Anna Maria på Skare.

Frå 1857 er *Hans Olson Kambaeige,* Bjødnsplassen, f 1823 d 1884 g 1856 m *Guri Arnesdotter Kambaeige,* nørdre Bjødnsplassen, f 1835 d 1894, nemnde som husmannsfolk. Barn:

1. Ola f 1857 gm Anne Marie Olsdotter Bjødnsplassen, sjå nedre Bjødnsplassen under Kambe.
2. *Anton* f 1858, kjøpte bruket 1893.
3. *Martin* f 1861, fekk husmannskontrakt 1881, g 1. m Anne Arnesdotter Øilund, sjå Personsetre 25/2, g 2. m Anne Halvorsdotter Hagen, sjå Søreng 48/44.
4. Olea f 1864 gm Syver Olson Røang, sjå nørdre Roo 8/2. Olea fekk i 1885 dottera Guri Marie gm Knut Pederson Lundelie.
5. Andreas f 1867 gm Oline Thomasdotter Rugbråten, sjå Hagin 13/27.
6. Inger f 1871 d 1873.
7. Inger f 1874 gm Arne Evenson Brattebakke, sjå Nybrøtin 44/16.
8. Berthe Marie f 1876.

I 1865 hadde dei 3 naut, 3 sauer, 1 geit, og sådde 1 tønne blandkorn og 1 tønne poteter.

Martin Hansson fekk husmannskontrakt i 1881, og i 1885 mor hans, *Guri Arnesdotter,* som då var enkje.

I 1893 vart Skaret utskild frå øvre Kambe bnr. 5, og seld same år til *Anton Hansson Skaret* f 1858 d 1926 gm *Ingeborg Trondsdotter Vabrøtin* f 1856 d 1929. Dei døydde i Køldokken, som Anton kjøpte i 1908. Barn:

1. Hans f 1884 d 1885.
2. Guri f 1887 gm sliperiarbeidar Torvald Nilsen, sjå Bakkelund 22/42. I 1909 fekk Guri dottera Ingeborg Amanda med Ola Gulson frå Hedalen.
3. Trond f 1890 d 1891.
4. Trond f 1892 gm Sigrid Arnesdotter Johnsen, sjå Hagali 33/24.
5. Hans f 1895 gm Kirsti Eriksdotter Bråten frå Nes, sjå Køldokke 48/7. I 1923 fekk Hans dottera Anne gm Eivind Nybråten, sjå Bergseng 44/19, med Guri Martinsdotter Søreid.
6. Gunhild f 1898 gm Andreas Berntson Holt, sjå Sørei 48/26.
7. *Ole Andreas* f 1901, brukar frå 1931.

Anton og familien hans flytta frå Skare i 1907, og i 1908 selde Anton til *Tidemand Gudbrandson Dyve* gm *Sigrid Olsdotter Kleivebråten.* Tidemand kjøpte Ellevsbakkatn 13/14 i Reinli, sjå der.

I 1922 selde Tidemand til *Ole Hansson,* og i 1928 fekk *Ole M. Kamben* på nedre Kambe auksjonsskøyte. Han kjøpte bruket helst for å ha det til haustseter. I 1931 overtok Ole Andreas Antonson Dokken.

I mellomtida skal fleire ha hatt bruket, utan at panteregisteret gjev opplysning. Ein var *Knut Olson Juve* — «Klemmetsru'n» — gm *Anne Vabråten,* sjå Ranneisetre under Tronrud. Knut greidde ikkje å halde på Skaret, er det fortalt. Då flytta han til ei badstugu nede i bekkedalen mot nord, der det var ein liten jordflekk. Her heiter det enno *Badstuguhalle.* Knut grov i jordbakken og mura eit fjøs, der han hadde ei ku og nokre geiter.

Ole Andreas Antonson Dokken, sjå ovafor, f 1901 d 1979 fekk auksjonsskøyte i 1935 og på nytt i 1942, g 1926 m *Emma Olsdotter Bergene,* øvre Dølvesbergatn 48/3, f 1904. Barn:

1. Anton f 1926 gm Margit Solbakken, Raufoss.
2. Marit f 1927 gm Anders Nordmarken, Brandbu.
3. Ingebjørg f 1929 gm Olaf Svingen, Leira.
4. *Ole* f 1931, neste brukar.
5. Gunhild f 1933 gm Martin Holt, Bagn.
6. Astrid Eldbjørg f 1936 gm Harald Martinsen.
7. Gudrun f 1938 gm Martin Bjørnstad, Bagn.
8. Ester f 1940 gm Arnold Olaussen, Hadeland.
9. Arne f 1942 gm Kari Bråten, Drammen.
10. Solveig Hjørdis f 1945 gm Roar Nilsen, Drammen.
11. Reidar f 1947 gm Grete Målfrid Bjørgan, Hedalen.

Eigar no er *Ole Dokken* f 1931, som bur her saman med mora. Ole Dokken har sauer.

Skaret har 35 da. innmark og 40 da. skog. Ole Andreas og Emma Dokken, som kom hit i 1931, hadde tidlegare hest, tre kyr, sauer, gris og høns. I 1979 hadde dei to kyr og hest.

Våningshuset er venteleg frå litt etter midten av førre hundreåret, og vart påbygt og vølt i 1957. Uthuset er frå 1939.

Køll

Plassen Køll, som no er tilvaksen, låg nedafor Skare, like ved den hengjebratte og farlege tømmervegen *Køllarenna.* Køll var liten og låg bratt til.

Erik Gunnarson Sørflatdalen f 1765 d 1836 g 1796 m *Guri Kristafersdotter Leikebakke* f 1758 d 1848, budde fyrst på ein plass under Sørflaten. Seinast i 1819 var dei komne til ein plass under Kambe eller Dølve, då sonen Kristafer vart konfirmert. Plassen var truleg Køll, som Kristafer overtok, men kan òg ha vore Skaret. Barn:

1. Gunnar f 1896 d 1803.
2. *Kristafer* f 1799, husmann på Køll.

Kristafer Erikson Dølveseige f 1799 d 1872 g 1. 1821 m *Ingrid Andersdotter nørdre Lundatn* f 1795 d 1861. Barn:

1. Erik f 1824 gm Anne Johannesdotter Lineikro, sjå Gudmundslie 22/17.
2. *Anders* f 1826, neste husmann.

3. Guri f 1830 gm Nils Andersson Bagnseige, sjå Kølplassen under søre Øyhus.
4. Ragnhild f 1836 gm Arne Mikjelson Lijordhaugen, sjå Bakkajordet under øvre Brattrud 23/3.

Kristafer Erikson g 2. 1861 m *Anne Eivindsdotter Bjødnsplassen,* Hølersetereige, f 1804, i 1865 fråskild og på Bjødnsplasse.

Anders Kristaferson Køll f 1826 g 1853 m *Anne Gulsdotter Hølersetereige,* Steinbrøtin 53/6, f 1826, var husmannsfolk etter at dei gifta seg. Anders og Anne budde her framleis i 1891 saman med yngste sonen Ole. Barn:

1. Ingrid f 1853 d 1862.
2. Kari f 1855.
3. Kristafer f 1858.
4. Erik f 1860.
5. Ingrid f 1864.
6. Guri f 1867.
7. Ole f 1870.

I 1865 hadde dei 3 naut, 4 sauer, 1 geit, og sådde 1 tønne bygg og 1 tønne poteter.

Om Anders Kristaferson, eller «Andris Køll», har Ole O. Dølvesæter fortalt: Det var smått stell på Køll, og Anders såg seg nøydd til å be om hjelp frå fattigkassa. Men fattigforstandaren, som då var Sjugurd Ølmhus, var ikkje viljug til å hjelpe med ein gong. — Situasjonen var ikkje uvanleg. Fattighjelp vart sett på som ei brysam utgift for dei som rådde for bygdestyringa. Det lille som fanst av offentlege midel, skulle det sparast på. — Då sa Anders: «E ska seia de ein ting e, Sjugurd. De æ førskjel å vera husmann på Køll og bonde på Ølmhus!»

Erik Trondson Gjerdinge g 1. m *Oline Arnesdotter Bøenseige* er nemnde i Køldokken 1894, men skal også ha budd på Køll.

I 1896 vart Køll utskild frå øvre Kambe, og seld same år til *Knut Olson.* Han selde i 1897 selde til *Erik Antonson Tørrhaug* gm *Vilhelmine Oliversdotter,* dei siste som budde her. I 1902 kjøpte Erik Bergli 36/8, sjå der.

Erik Tørrhaug selde i 1904 til *Erik E. Hjelle,* og i 1937 fekk *Knut Knutson Kamben* grunnboksheimel.

Eigarar i 1969 var *Kristian* og *Halfdan K. Kamben.*

Midtre Bjødnsplassen (Kambaplassen)

Oppe på Plassaåsen låg i førre hundreåret fleire plassar med namnet Bjødnsplassen. Eldst må nedre Bjødnsplassen, no Bjørnstad, vera. Ein son herifrå, Harald Olson, budde på midtre Bjødnsplasse, som han fekk husmannskontrakt på i 1858. Det ser ut for at Harald kan ha rydda denne plassen, for i kontrakten heiter det at Harald og kona Anne skal ha Bjødnsplassen slik den var inngjerda og hadde vore brukt av Harald siste år.

Harald og Anne fekk kontrakt på Bjødnsplassen for levetida si. Leiga på 2 spd. 3 ort 8 skilling skulle betalast med arbeid: Slå 6 dagar på garden og 3 mælingar på setra Høvreslie, arbeide 3 dagar om våren og 3 om hausten, skaffe ei dugeleg jente til å raka eller skjera gras i 3 dagar, skjera 2 mål åker, grava poteter 6 dagar og gjera vegarbeid ein halv dag.

Etter Harald har midtre Bjødnsplassen vore kalla *Haraldsplassen,* men er helst kjend som *Kambaplassen.* I 1922 vart plassen utskild frå øvre Kambe med namnet Skoglund, og i 1939 seld til bureisingsbruk saman med Løvstad bnr. 38.

Harald Olson nedre Bjødnsplassen f 1815 d 1901 g 1843 m *Anne Olsdotter Ølmhuseige,* Bjødnaplassen eller øvre Ølmhusplassen, f 1818 d 1886. I 1891 budde Harald som enkjemann og dagarbeidar i Torsrudhaga. Plassen er ikkje nemnd i 1891. Barn:

1. Beret f 1843 gm Ola Arneson Bjødnsplassen, sjå Torsrudhagin.
2. Ola f 1846 d 1847.
3. Anne f 1848 gm Torkjell Jonson Nordhagan, sjå Nordhagan i Hedalen.
4. Olea f 1853 gm Ole Syverson Sparkevik.
5. Maria f 1853, tvilling med Olea, gm Ole Monsson frå Steinbrøta i Hølersetergrenden, sjå Velingsrudeige.
6. Siri f 1855 gm Arne Bjørnson Moen, Nord-Aurdal.
7. Kari f 1859 gm Anders Jonson Kjensrudhagan.
8. Oline f 1862 gm Erik Trondson Gjerdinge, sjå Rundbrøtadokke 27/11. I 1885 fekk Oline sonen Hans d 1889 med Ole Monsson Brattebakke, Vestre Bagn.

I 1865 hadde dei 1 ku, 2 sauer, og sådde 1 tønne poteter. Det var ikkje mykje å leva av for ein stor familie.

Etter at Herman Knutson Kamben overlet øvre Kamben til broren Knut, flytta han og kona Kari til Kambaplassen i 1905.

Herman Knutson øvre Kamben f 1859 g 1882 m *Kari Syversdotter Hølersetre* f 1861. Barn:

1. Knut f 1883, til Amerika.
2. Syver f 1885 d 1885.
3. Olea f 1887 gm Ingvald Erikson Dokkebakkene, sjå øvre Dokkebakkatn 48/18.
4. Thora f 1889.
5. Thora f 1891, til Amerika.
6. Sigrid f 1894 g 1914 m Ole Thomassen Haugen, til Amerika. Sigrid kom attende som enkje, og kjøpte Hammersnes i Bagn.
7. Gyda f 1896 gm Georg Hansson Dokken, sjå Skogstad i Bagn.
8. Anna f 1898 gm Nils Olson, Nord-Aurdal.
9. Karine f 1901 d 1901.
10. Sigurd f 1902, til Amerika.

Etter denne familien var Skoglund eller Kambaplassen haustseter for øvre Kambe ein del år. Fleire budde her også i denne tida.

Haugli (Løvstad bnr. 38 og Skoglund bnr. 43)

Dette bruket heiter i daglegtale Haugli, og er samansett av Løvstad bnr. 38, utskild frå Sørei bnr. 26 i 1916, og Skoglund bnr. 43, før Kambaplassen, utskild frå øvre Kambe i 1922.

I 1939 kjøpte Ingvar Magne Kamben Skoglund og det vesle grannebruket Løvstad av faren til bureising. Ingvar Magne bygde på Løvstad, medan husa på Skoglund 80 m oppe i bakken etter kvart vart rivne.

Ingvar Magne Kamben, øvre Kamben 48/5, f 1902 d 1984 g 1938 m *Ma-*

rit H. Hansebråten f 1899 d 1965. Barn:

1. Knut f 1938 d 1961.
2. *Hans* f 1941, neste brukar.
3. Else Hjørdis f 1943 gm Hans Bernhard Ødegård, Helgøya.

Hans Kamben f 1941 gm *Ragna Tildheim,* Vestre Slidre, f 1942. Hans Kamben er bygningssnikkar attåt gardsbruket. Barn:

1. Øivind f 1970.
2. Jostein f 1973.

På Haugli, 630 m o.h., er halve jordvegen bratt og resten på flatare lende. Ved makeskifte i 1968 vart bytt noko areal med Skørre. På *Åkerhallen* synst i skogen har det vore utslått. Gardsvegen går no til den nye Veståsvegen. Før gjekk vegen om «Gaukebrenne», Prestbrøtin, Rundbrøtin, Sand, øvre Sørflate og til Sørflatsvingen.

Då Ingvar Magne Kamben kom til Haugli, brukte han den gamle stugu på Løvstad til fjøs, og ei stugu vart flytta frå Juvesetren. Det fanst også ei lyu. Tunet på haustsetra Skoglund låg inne i svingen på den nye fylkesvegen. Bua flytta Ingvar Magne til Løvstad. Øvst på jordet var eit sumarfjøs. Lyu hadde ei gangbru, og dei letta av taket når avlinga skulle i hus. Herman Knutson Kamben bygde ei ny stugu på Skoglund den tida han budde her med familien. Stugu stod like ved den førnemnde lyu. Tunet no har våningshus 1976, stugu 1941, fjøs med låve 1942 og tilbygd låve 1974, sag 1969 og garasje 1967.

I 1948 kjøpte Ingvar Magne Kamben ei seter av mor si på Skrikkarvølle, gnr. 26 bnr. 8, no kalla Kambasetre. Her er i nyare tid dyrka 82 da., slik at det totale arealet dyrka jord er 102 da. Drifta er no sauehald.

Nørdre Bjødnsplassen

I tillegg til nedre og midtre Bjødnsplassen fanst ein plass kalla nørdre Bjødnsplassen. Plassen er nemnd fram til folketeljinga 1875, men ikkje i seinare teljingar.

Det må ha vore i nørdre Bjødnsplasse *Arne Olson Dølveseige* f ca. 1796 d 1860 i Bjødnsplasse g 1827 m *Anne Eivindsdotter Bagn*, Hølersetereige, f 1804 d 1885, budde. Dei er berre nemnde på ein plass under Dølve eller Kambe, som i 1842 er oppgjeven som Bjødnsplassen. Barn:

1. Jon f 1828 d 1828.
2. Jon f 1828, i desember, gm Anne Andreasdotter Hølersetereige, sjå Smedmoen 50/23.
3. *Beret* f 1831, neste brukar.
4. Guri f 1835 gm Hans Olson Kambaeige, sjå Dølvesskaret 48/27.
5. Eivind f 1838 gm Anne Marie Olsdotter Langedragseige.
6. Olea f 1842 gm Ola Olson Rundbrøtin, sjå øvre Skarshaugen.
7. Ola f 1845 gm Beret Haraldsdotter Bjødnsplassen, sjå Torsrudhagin.

Anne Eivindsdotter g 2. 1861 m *Kristafer Erikson Køll.*

I 1865 var Anne skild, og oppført som hovudperson i nørdre Bjødnsplasse. Hjå henne budde dottera *Beret Arnesdotter* f 1831 d 1904 hjå sonen på

Nerstad g 1865 m *Ola Olson Kambaeige* f ca. 1839 d 1868. I 1875 budde Beret åleine med sonen i Bjødnsplasse, og levde vesentleg av å spinne og strikke strømper og vantar. Barn:

Ole Andreas f 1867 — «Andreas Postmann» — gm Berit Olsdotter Lindelie, sjå Nerstad 33/32.

I 1865 hadde Anne 1 ku, 1 sau, og sådde 1 tønne poteter.

Nedre Dølveskamben bnr. 6

I 1818 delte Arne Hermannson garden Kamben eller nørdre Dølve. På nedre Kambe var det mange eigarar. Husa på denne parten stod fyrst saman med husa på det øvre bruket, men vart seinare flytta ned til nytt tun.

Arne Hermannson selde nedre Kamben i 1818 til *Erik Timannson Austegarden,* sjå Austegarden bruk II, for 100 spd. Med garden fylgde m.a. nedre Bjødnsplassen, bortsett som brukeleg pant til Ola Olson. Kjøparen hadde også innløysingsrett til ei lykkje under garden, Bjødnsplassen, bortsett som brukeleg pant til Kristafer Mattisson for levetida hans. Nedre Kamben vart skyldsett i 1819 for 1 1/3 skinn.

I 1825 selde Erik Timannson, no kalla Sørbøen, for 300 spd. til stesonen *Ola Olson Austegarden d.e.,* Austegarden bruk II, f 1800 d 1833 g 1832 m *Guri Olsdotter Bagn,* Ellendshaugen 37/2, f 1813. Ved skiftet etter Ola i 1833 var bruttoeiga 607 spd. og nettoeiga 370 spd. Barn:

Olea f 1833 gm Ola Olson nedre Sørflate.

Guri Olsdotter g 2. 1836 m *Arne Olson Lundatn,* sjå Øylund 50/9.

I 1830 selde Ola for 50 spd. til broren *Knut Olson Austegarden* gm *Astrid Knutsdotter Lo,* som er nemnde på Kambe nokre år, sjå Austegardslie 12/14. Knut selde for same sum attende til *Ola* i 1832.

I 1835 selde Guri Olsdotter for 300 spd. til *Ola Arneson Dølve* gm *Kari Hansdotter Jukam,* sjå Islandsmoen 48/12. Ved skiftet etter Kari på Kambe, som tok til i 1835, var bruttoeiga 315 spd., men gjelda 373 spd.

I 1836 fekk *Tore Gudbrandson Skaret* frå Stavadale auksjonsskøyte frå buet etter Kari Hansdotter for 300 spd.

Tore Gudbrandson selde i 1836 for 300 spd. til *Sjugurd Trondson Kamben,* Bagnsbrøtin 39/17, f 1807 g 1836 m *Gunhild Maria Torgrimsdotter Holte* frå Viker, f 1809. Dei ser ut til å ha flytta til Engerodden i Ådalen. Barn som me kjenner:

1. Tøren f 1838.
2. Ingebjørg f 1840 gm Knut Larsson Kyrkjebjørgo.

I 1841 selde Sjugurd Trondson for 300 spd. til *Hermann Hermannson Bøen.*

Hermann Bøen selde i 1845 for same sum til *Ellend Olson Brattrud,* Dølvesbrenne, f 1807 d 1862 g 1. m *Ingrid Sjugurdsdotter,* mogleg frå nedre Storøydgarde bruk I, f ca. 1816 d 1855. Ved skiftet etter Ingrid i 1861 var bruttoeiga 700 spd og nettoeiga 489 spd. I bruttosummen inngjekk taksten for garden og setra Høvreslie under Velingsrud. Barn:

1. Olea f 1846 d 1847.

2. Olea f 1849 gm Erik Sjugurdson Bøen, sjå nedre Roo 15/2.

I 1848 pantsette Ellend halve setra for 100 år for 80 spd. til Hallvor Erikson Dokken. I 1913 kom denne vollen, kalla Dokkevøllen, under Leite. I 1948, då panteåra var ute, løyste Mikkel O. Kamben inn setra for 320 kr. Då stod berre att ei lita fôrlyu.

Ellend Olson g 2. 1861 m *Ragnhild Olsdotter søre Øyhus* f 1813 d 1882. Ved skiftet etter Ellend i 1862 var bruttoeiga 1142 spd. og nettoeiga 493 spd.

I 1863 fekk *Knut Hermannson* på øvre Kambe skifteskøyte for 600 spd., men selde samstundes for 400 spd. til *Ola Sjugurdson Sparkevik* f 1837. Han overtok seinare Sparkevik.

Hjå Ola Sjugurdson i 1865 losjerte *Timann Erikson Dalslie,* som var skreddar, med kona *Guri Hermannsdotter Kamben,* barna Erik og Herman Timannsøner, og bror til Timann, *Ola Erikson,* som også var skreddar. Timann og Guri kom seinare til søre Ruste 97/3 i Hedalen.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 17 mål ganske god åker og dyrka eng, 32 mål ganske magert slåtteland, hamninga var ikkje tilstrekkeleg, og dei lauva 600 kjerv. I 1865 hadde Ola Sjugurdson, som då enno ikkje var gift, 4 naut og 8 sauer, og sådde 3 tønner blandkorn og 3 tønner poteter.

I 1871 selde Ola Sjugurdson for 200 spd. til verbroren *Mikjel Amundson Øyhus* f 1844 d 1892, son til Amund Mikjelson Sørli i Hedalen og Ragnhild Olsdotter søre Øyhus, g 1869 m *Anne Sjugurdsdotter Sparkevik* f 1846 d 1925. Barn:

1. Syver f 1869, sjå nedafor.
2. Ragnhild f 1871 d 1871.
3. *Ole* f 1872, neste brukar.
4. Engebret f 1874, budde på Nes i Ådal og var skreddar der.
5. Ragnhild f 1876 d i spanskesjuken var gm Erik Gravbråten, Nes i Ådal, og budde der.
6. Mikkel f 1878 d 1929. I 1901 fekk Mikkel ei lita stugu med ca. 4 mål mark på Kambe. Mikkel var ein kjend urmakar i Sør-Aurdal, og hadde ein liten urmakarverkstad på Vøll.
7. Olaus f 1880.
8. Ingeborg f 1881 d 1882.
9. Ingeborg f 1883 gm Lars Andreasson, sjå Myre 74/12.
10. Oleanna f 1885 d 1905, utvandra til ein stad ved Stillehavskysten.
11. Olaf f 1887, til Spokane i USA. For at Olaf skulle få reisefylgje over til Amerika, vart konfirmasjonen framskynda, og prost Barth konfirmerte han åleine i Hedalskyrkja. Då var Olaf vel 14 år gamal.
12. Sigurd f 1889, utvandra i ung alder til Port Huron ved Huronsjøen i USA.

I 1892 selde Anne Sjugurdsdotter til sonen *Ole Mikkelson* f 1872, som i 1901 selde til broren Syver. Ole reiste dinest til Amerika, men kom seinare tilbake og tok att garden på odel.

Syver Mikkelson Kamben f 1869 var eigar ei tid frå 1901. Syver og *Kirsti Olsdotter* fekk i 1903 sonen Olaf på Kambe. Syver hadde fyrst bygt seg hus på Nes i Ådal, og var skreddar der. Seinare reiste han til Amerika, det må ha skjedd etter tida på Kambe.

I 1909 fekk *Arne Johnsen,* sjå Høvda 30/5, auksjonsskøyte. Då hadde

Ølmhus forpakta garden ei tid. Arne Johnsen var eigar til han i 1912 selde til Ole Mikkelson Kamben, som hadde vore i Amerika og tok att garden på odel.

Ole Mikkelson Kamben f 1872 d 1929 g 1925 m *Anna Olsdotter Bergene,* øvre Dølvesbergatn 48/3, f 1900 d 1972. Før han hadde fått att garden, budde Ole i eit eldhus som han sette i stand på det øvre tunet. Seinare budde bror hans, Mikkel, her, og dreiv som urmakar til han døydde. Stugu vart kalla «Mikjelsstugu». Ole, kalla «Kambin», dreiv fleire år garden åleine før han gifta seg, og var mykje borte med minering og støypearbeid. Barn:

1. Alma f 1924 gm Arne Søreng.
2. Ingebjørg f 1925 gm Harald Pedersen, Bagn.
3. *Mikkel* f 1926, neste brukar.
4. Syver f 1927.
5. Ole Andreas f 1929.

I 1937 fekk *Anna Kamben* auksjonsskøyte, og selde deretter garden til barna.

Eigar frå 1952 var *Mikkel Kamben* f 1926 d 1971 gm *Åse Berntsen,* Lier, f 1932. Ho eig no. Barn:

1. Ole f 1961.
2. Lage f 1964.
3. Kjell-Arne f 1966.

Kamben har 40 da. innmark og 457 da. skog. I 1842 vart frådelt areal til Køldokke, i 1857 til øvre Kambe og i 1863 til øvre Bergatn.

Det gamle våningshuset som var flytta ned frå det øvre tunet, vart rive i 1977. Nytt våningshus 1971. Uthuset vart bygt av Ole Mikkelson og vølt av sonen Mikkel Olson kring 1960. Ole Mikkelson sette også opp eldhus og smiu kring 1920, rive 1970.

Vollen på setra Dokkevøllen, sjå ovafor, er om lag 15 da. Her er 9,5 da. oppdyrka og hus oppsette 1959—60. Eit stort våningshus som skulle rivast i nedre Sørflaten, vart bu og fjøs, og seinare kom eit anna uthus.

Køldokke bnr. 7

Køldokke, i daglegtale Dokke, ligg stupbratt til, 375 m o.h. Næraste granne er øvre Kamben i søraust, dit er det 300 m. Bilveg her vart opparbeidd i 1960. Fyrstelekken *Køl* i namnet heng saman med kolbrenning før i tida. Det syner framleis merke etter mykje kolbrenning kring bruket.

Køldokke er av dei eldste plassane på Dølveseigedomen. Etter delinga av Dølve i 1764 kom Køldokke under Kambe, og vart skyldsett herifrå i 1811.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Ola Arneson Sparkevik* f 1707 d 1750 g 1735 m *Ingebjørg Trondsdotter.* Det var skifte etter Ola i Dokken i oktober 1750. Bruttoeiga var 26 rd., men gjelda 32 rd. Etter skiftet å døme må Ola og Ingebjørg ha rydda plassen. Det fanst tre hus: stugu, låve og fjøs, som Ola nyleg hadde sett opp av tømmer frå Dølvesskoge, og arbeidet med husbygginga og ryddinga på plassen vart vurdert til 16 rd.

I andre halvdel av 1700-talet er opplysningane om kven som budde i Dokken sparsame. Ved skadetakseringa etter Storofsen i 1789 er brukaren oppgjeven å heite *Knut Olson.* I 1811, ved skyldsetjinga av Dokke, er *Hans Olson*

nemnd som førre eigar, truleg den Hans Olson som i kyrkjebøkene er oppført på Dølveseige, sjå der.

I 1811 selde Arne Hermannson Dokke for 600 rd. til son til den førre brukaren på Kambe eller nørdre Dølve, Harald Knutson.

Ved skyldsetjinga same år heldt seljaren unna tømmerskog innafor grensene til bruket. Med i handelen var halve setra Vøllo, sumarsetra Tobakkbrenne, og Harald Knutson fekk bruke dei same slåttelanda som den førre eigaren Hans Olson. Skylda vart sett til 1/3 skinn.

Harald Knutson Kamben, nørdre Dølve, f 1780, kalla «Spikar-Harald» fordi han laga spikar, g 1. 1808 m *Beret Andersdotter nørdre Lundatn* f 1784 d 1840. Harald fekk i 1805 dottera Kari d 1810 med Marit Høljesdotter Ølmhus. Barn til Harald og Beret:

1. Kari f 1810 gm Anders Haraldson Høvseige, sjå Skørre 48/8.
2. Ragnhild f 1812 gm Amund Sjugurdson Torsrudeige, sjå Dølvesmarke 48/4.
3. Knut f 1814 d 1815.
4. Anders f 1816, til Hedemarken frå Skørren 1844.
5. Knut f 1818 d 1847 som tenestegut på Erstad.
6. Jon f 1821 d 1822.
7. Ola f 1821, tvilling med Jon, kalla «Skørrin», gm Ingrid Olsdotter Bakkebrøtin, sjå Skarshaugen.
8. Harald f 1824 gm Gunhild Gudmundsdotter Torsrud, sjå Turibrøtin 27/5.
9. Knut f 1826 gm Olea Andersdotter Austegardslie, sjå Austegardslie 12/13.
10. Jon, f og d 1828 eller -29.

Harald Knutson g 2. 1841 m *Gunhild Olsdotter Gudmundslie,* sjå der.

I 1833 selde Harald Knutson Dokke, no av skyld 1/6 skinn etter nokre frådelingar, for 50 spd. til *Hans Person Tronrud* gm *Marit Trondsdotter Bagnsbrøtin.* Same år kjøpte Harald plassen Skørre, der var skifte etter kona Beret Andersdotter i 1840. Bruttoeiga var 142 spd., men gjelda 163.

Hans Person kjøpte Islandsmoen i 1841, sjå der, og selde same år Dokke for 50 spd. til *Hallvor Erikson Tronhuseige* f 1791 d 1867, son til Erik Olson Bagnseige og Dorte Kristafersdotter Ølmhuseige, g 1826 m *Beret Eriksdotter Hellandshølen,* Hellandshølen 54/bruk B, f 1803 d 1849. Dei er nemde på Gladhaugeige 1841, og i slutten av 1820-åra på Klauvstadeige. Barn:

1. *Erik* f 1827, neste brukar.
2. Kristafer f 1829.

I 1842 kjøpte Hallvor slåttelandet Dokkedalen av Hermann Hermannson Bøen for 60 spd. Hermann Bøen åtte då nedre Kamben, som Dokkedalen vart utskild frå i 1842.

Hallvor Erikson selde bruket for 100 spd. i 1848 til sonen *Erik Hallvorson Dokke* f 1827 g 1851 m *Marit Hermannsdotter øvre Kamben* f 1823 d 1894. Barn:

1. Haldor f 1853, til Amerika 1875.
2. Herman f 1854, til Amerika 1875.
3. Syver f 1856.
4. *Martin* f 1859, neste brukar.
5. Berit f 1860.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 7 mål svært bratt åker og dyrka eng, 20 mål ganske magert slåtteland,

frå Tobakkbrenn, Lykkjun og Juvevølle kom 17 skippund høy, hamninga var ikkje tilstrekkeleg, dei lauva 400 kjerv, og bruket var tungbrukt. I 1865 hadde dei 4 naut, 6 sauer, 4 geiter, og sådde 1/8 tønne rug, 1 tønne bygg og 2 tønner poteter.

Erik Halvorson selde i 1895 for 800 kr. til sonen *Martin Erikson Dokken* f 1859 gm *Gjertrud Olsdotter Hovdet,* Høvda 30/5, f 1857. Martin selde i 1907 til Arne Erikson Skåren, og familien reiste utover og kjøpte gard ein stad. Før utflyttinga reiste Martin ein stor steinhelle som bauta etter sèg ved Veslehaugen. Barn i Sør-Aurdal:

1. Marit f 1883.
2. Anne f 1885.
3. Berit f 1887.
4. Inger f 1889.
5. Elise f 1892.
6. Olava f 1894.
7. Erik f 1897.
8. Sigrid f 1902.

Arne Erikson Skåren, eigar frå 1907, vart ikkje lenge her, men selde alt i 1908 til *Anton Hansson Skaret* gm *Ingeborg Trondsdotter Vabråten.* Dei hadde før vore i Dølvesskare, der familien er oppført.

I 1923 selde Anton Hansson til sonen *Hans Antonson Dokke* f 1895 g 1926 m *Kirsti Bråten,* Nes i Ådal, f 1904. Hans har også vore murar. Som unggut tok Hans til å arbeide i skogen då han var konfirmert. Det hendte han gjekk heilt til Nes i Ådal på skogsarbeid. Barn:

1. Ingebjørg f 1926 gm Oskar Tveiten, Telemark.
2. Erik f 1928 gm Gerd Jensen, Hønefoss.
3. Anton f 1930 gm Magna Johnsen, Vestre Bagn.
4. Berte Marie f 1932 gm Birger Moe, Drammen.
5. Gunvor f 1935 gm Kurt Steinmo, Fauske.
6. Trygve f 1937 gm Marie Carlsen, Drammen.
7. Kari f 1940 gm Sverre Fossdal, Oslo.
8. *Harry* f 1942, eigar no.
9. Arvid f 1944 gm Anne Marie Thon, Høldalsføss.
10. Reidun f 1948 gm Nils Midthus, Nord-Aurdal.
11. Bergljot f 1951 gm Kåre Sørbråten, Nord-Aurdal.

Køldokke eller Dokke har 30 da. innmark, av det om lag 10 da. dyrka jord. Utslåttar var *Bagdn, Veslehelvete* på grensa mot nord, nærare tunet er *Storhaugen* og *Veslehaugen,* og i *Dokkedale* var det styggbratt. Skogen er i alt 200 da. Nedafor og ovafor garden er om lag 100 da. skog. Eit skogstykke ved øvre Dokkabakkatn vart makeskifta mot det nedlagde bruket nedre Dokkebakkatn. I 1964 vart gjort eit makeskifte for å få teigane til Dokke og nedre Dokkebakkatn i sameiga inntil kvarandre.

Tidlegare hadde dei tre kyr, ungdyr, gris, og av og til hest.

Det svært gamle våningshuset er rive, og nytt våningshus bygt 1970. Dei gamle uthuset er også rive. Nytt uthus 1954.

Dei eldste kjende setrane er Tobakkbrenne, Tobakkbrennlykkja og halve haustsetra Vøllatn. Desse vart utskilde i 1906 av Martin Erikson som bnr. 32,

33 og 34, og er fråselde. På Kambasetren på Grånlien er ein del av vollen kalla Dokkevøllen. Hallvor Erikson overtok denne som pant i 100 år i 1848 av Ellend Olson nedre Kamben. Seinare vart pantet seld, og tilhøyrde nørdre Leitet då det vart innløyst i 1948.

Skørre bnr. 8

Det vesle bruket Skørre ligg bratt til ned for Bjørnstad på Plassaåse, 530 m o.h. Frå Skørren fylgde dei same stig til bygds som bruka på Plassaåse — forbi Prestbrøtin, Rundbrøtin, Sand, øvre Sørflate og til Sørflatsvingen. Den siste delen vart utbetra til bilveg i 1975. Ein gamal gangveg gjekk ned til Køldokke, og det er også stig opp til Bjørnstad.

Skørre er samansett av areal frå Sørflatdale og Køldokken, båe fråselde i 1824, sjå også Skørre under øvre Sørflaten. Den nørdre delen av eigedomen er frå Sørflaten. Arealet frå Køldokken vart skyldsett i 1825 for 1/9 skinn. Dette blir kalla Setervøllen.

Arne Olson søre Vøll f 1786, som kjøpte Skørre i 1824, betalde Harald Knutson 100 spd. for arealet frå Køldokken. Arne må nok ha vore den fyrste på staden. Skørre er ikkje nemnd tidlegare, og i skøytet frå Harald Knutson er Skørre kalla plass eller jordeigedom. Arne Olson gifta seg i 1824 m *Mari Nilsdotter* frå Rødnes i Land, f ca. 1805. Dei reiste til Land i 1835. I eit skifte på Vøll i 1840 er opplyst at Arne bur på Rødneseige i Land. Barn i Sør-Aurdal:

1. Jøren f 1824.
2. Kari f 1826.
3. Oline f 1830.

I 1833 selde Arne Olson bruket for 100 spd. til *Harald Knutson* gm *Beret Andersdotter,* som før hadde budd i Køldokken, sjå der.

Harald Knutson selde i 1840 for 140 spd. til versonen *Anders Haraldson Høvseige,* Brenno 14/4, f 1810 g 1836 m *Kari Haraldsdotter Dokken* f 1810. I 1838 var dei på Bøenseige. Det er fortalt at ein Anders vart drepen i ei tømmerrenne som går frå Skørren ned i Begna, seinare kalla «Andrisrenna». Det må vel vera denne Anders. Barn:

1. Harald f 1838 gm Astrid Nilsdotter. Dei fekk dottera Karine i Skørren 1863. I 1862 fekk Harald sonen Anders med Kari Andersdotter Fekjarruste.
2. Beret f 1841 gm Gudbrand Arneson nedre Dokkebakkatn.
3. Hallstein f 1848, til Amerika 1870.
4. *Jøran* f 1852, neste brukar.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 5 mål svært dårleg åker og dyrka eng, 20 mål vanleg slåtteland, frå Skrikkarvølle kom 8 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, dei lauva 200 kjerv, og bruket var tungbrukt. I 1865 hadde dei 4 naut, 4 sauer, 8 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg og 2 tønner poteter.

Anders Haraldson selde i 1876 til versonen *Anton Olson Langedragseige,* Sveinedokke under Langedrag, f 1852 g 1876 m *Jøran Andersdotter Skørre* f 1852. Barn:

1. Ole f 1877.
2. Gunhild f 1879.
3. Anders f 1881.

I 1883 selde Anton Olson for 500 kr.

til *Erik Erikson Dokkebakkatn,* Sørflatdalen 27/6, f 1851 d 1931 g 1877 m *Ingeborg Arnesdotter Dokkebakkatn* f 1856 d 1922. Barn:

1. Erik f 1877.
2. Arne f 1880 g 1. m Anna Karoline Andersdotter Dyven, sjå Juve 26/2, g 2. m Anne Randine Andreasdotter Fjeld, sjå nørdre Dokke 30/19.
3. Sigrid f 1882.
4. Gudbrand f 1884, til Amerika.
5. Anne f 1886.
6. Anders f 1888.
7. Ragnhild f 1890, til Amerika.
8. Olaf f 1893, til Amerika.
9. Gunhild f 1895.
10. Marianne f 1897, til Amerika.
11. Einar f 1900 gm Nelly Sollien, syster til Nils Sollien i Bagn, til Amerika.

I 1893 fekk sersjant *A.O. Leistrud* auksjonsskøyte, men selde attende til *Erik E. Skåren* i 1905, som framleis var brukar.

I 1931 kjøpte Arne Johanson Gjerdingen bruket. Skøytet er ikkje tinglyst.

Arne Johanson Skarshaugen f 1895 d 1965 g 1. 1918 m *Anne Johansdotter Tollevsrudhaugen* f 1896 d 1918. Barn:

Marit f 1918, oppvaksen i Gjerdingen, gm Ove Johannesen, Oslo.

Arne Johanson g 2. 1920 m *Katrine Larsdotter Gjerdingen,* Lykkja 13/29, f 1892. Barn:

1. Lars f 1920, gardsarbeidar på nedre Jukam.
2. Johan f 1921 gm Marie Haslene, Bagn.
3. Anders f 1922.
4. Dorthea f 1924 gm Anton Odden, Begnadalen.
5. Gunnar f 1926 gm Rut Bjerke, Haslum i Bærum, busette på Lilleaker.
6. Anton f 1928.
7. Klara f 1931 gm Arne Høneren, Begnadalen.
8. *Ola* f 1933, driv Skørre saman med mora.
9. Magna f 1935, busett på Hønefoss.

Skørre har 22 da. innmark, av det 15 da. dyrka jord. Før hadde dei to kyr, og hest til 1974. Sidan har fôret vore selt. Nedafor våningshuset ligg *Stugueikra,* nord og nedafor låven ligg *Langeikra,* og *Midtåker'n* på sørsida av bekken. Mellom *Midtåker'n* og *Nørdre eikra* stod ei lyu. Frå ein slått på Island drog dei fôr ned til Skørre på skikjelke.

På tunet er våningshus, uthus frå 1940 og stabbur.

I krigsdagane 1940 rømde familien til Skrubbelie. Arne Gjerdingen gjekk heim kvar dag for å stelle dyra.

Dokkebakkatn bnr. 9

Det nedlagde bruket Dokkebakkatn låg i bakken opp for Køldokken, og vart utskilt herifrå ved skylddeling i 1833. I 1830 hadde Harald Knutson Køldokke selt denne parten for 50 spd. til Ola Andersson Lundatn. Til Dokkebakkatn skulle høyre 1/2 mæling av setra Tobakkbrenne.

Ola Andersson nørdre Lundatn f 1801 gm *Kari Knutsdotter.* Dei drog til Amerika i 1858. Barn som me kjenner:

1. Anders f 1829 d 1830.
2. Ragnhild f 1832.
3. Anders f 1834, til Amerika 1856.
4. Jon f 1837, til Amerika 1859.
5. Ingebjørg f 1839.
6. Anne f 1842.
7. Beret f 1844, til Amerika 1858.
8. Ola f 1847 d 1848.
9. Olea f 1849, til Amerika 1858.
10. Ola f 1851, til Amerika 1858.

I april 1841 vart Dokkebakkatn taksert til 170 spd. då Ola Andersson ville søkje om lån med pant i eigedomen.

I 1856 selde Ola Andersson for 100 spd. til *Arne Gudbrandson Leistrudeige* f i Brusveen i Bruflat ca. 1812 d på Dokkebakko 1886 g 1837 m *Ragnhild Olsdotter Skarseige,* Skarshaugen 24/5, f 1810 d 1892. Barn:

1. *Gudbrand* f 1838, neste eigar.
2. Beret f 1840.
3. *Ola* f ca. 1843, sjå nedafor.
4. Mari f 1846 g 1. m Hallvor Olson Lundoeige, sjå Hølvegen 36/21, g 2. m Martin Olson Brenne, sjå Eldebakkatn 22/6.
5. Ingeborg f 1856 gm Erik Erikson Sørflatdalen, sjå Skørre 48/8.

I 1865 selde Arne Gudbrandson til sonen Gudbrand, som i folketeljinga same år er oppført som sjølveigar. Arne er i folketeljinga kalla husmann med jord. I folketeljinga 1875 er dei to bustadene kalla øvre og nedre Dokkebakkatn. På nedre budde då Gudbrand, og på øvre Dokkebakko Arne. Gudbrand er i 1875 kalla fugleskyttar.

Etter matrikkelførebuinga 1866 gav ikkje Dokkebakkatn mykje å leva av. Det var 2,5 mål svært bratt åker og dyrka eng, 12 mål vanleg slåtteland, frå Tobakkbrenn kom 3 skippund høy, hamninga var ikkje tilstrekkeleg, dei lauva 200 kjerv, og drifta var tungvint. I 1865 hadde Gudbrand og kona Beret 4 naut, 3 sauer, 1 geit, og sådde 1 tønne blandkorn og 2 tønner poteter. Arne og Ragnhild hadde 2 naut, 2 sauer, 4 geiter, og sådde 1 tønne poteter.

Gudbrand Arneson Dokkebakkatn f 1838 g 1863 m *Beret Andersdotter Dølveseige*, Skørre 48/8, f 1841. Gudbrand selde bruket i 1878 for 500 kr. til verbroren Erik Erikson Sørflatdalen. I 1878 fekk Gudbrand husmannskontrakt på Bårdelie under Ølmhus, der familien framleis var i 1882. Barn:

1. Arne f 1865.
2. Anders f 1869 d 1869.
3. Maria f 1870.
4. Anders f 1873.
5. Karine f 1880.
6. Anders f 1882.

Erik Erikson Sørflatdalen gm *Ingeborg Arnesdotter Dokkebakkatn* budde på Dokkebakko til Erik i 1884 kjøpte Skørre 48/8, sjå der.

I 1889 delte Erik Erikson frå nedre Dokkebakkatn bnr. 17 og øvre Dokkebakkatn bnr. 18. Resten eller bnr. 9 selde Erik i 1892 til *Martin Erikson* i Køldokken, og dette bruksnummeret har sidan høyrt til Køldokke. Bnr. 17 og 18 selde Erik i 1889 til *Ola Erikson* på søre Torsrud. Nedre Dokkebakkatn bnr. 17 har sidan høyrt til søre Torsrud, medan øvre Dokkebakkatn bnr. 18 vart selt og drive som eige bruk før søre Torsrud på nytt overtok.

Øvre Dokkebakkatn bnr. 18

Ola Arneson Dokkebakkatn f ca. 1843 d 1899 g 1863 m *Anne Olsdotter Juvesetre* f 1836 d 1920. Båe var kalla Dokkebakkene då dei døydde. Dei budde fleire stader. I 1861, -64 og 70 er dei nemnde på Dokkebakko, var i 1865 i Rødningen under Nord-Grøv, i 1867 på Berg i Hedalen, på Gastgjevarhauge i 1872, og i Erstadbrøta i 1874 og -80. Men seinast i 1891 kom dei til Dokkebakkatn, som ser ut til å ha vore øvre Dokkebakkatn. Versonen Ingvar Erikson fekk seinare skøyte på denne eigedomen. Ola Arneson er i 1891 oppført som tømmerkøyrar og forpaktar. Barn:

1. Anton f 1861.
2. Ole f 1864 gm Olea Helgesdotter Joplassen, sjå Hagin 42/7.
3. Martin f 1867.
4. Maria f 1870.
5. Ragnhild f 1872 gm Olaus Hansson Sørflatdokken, sjå Sørflatbrøtin 28/3. I 1895 fekk Ragnhild dottera Inga med Thomas Olson Langedrag.
6. *Inger* f 1874, neste brukar.
7. Gudbrand f 1880 d 1891.

I 1901 selde Ola E. Thorsrud for 100 kr. til *Ingvar Erikson* frå Vestre Slidre, verson til Ola Arneson Dokkebakkatn, f 1877 d 1924 g 1. 1901 m *Inger Olsdotter Dokkebakkene* f 1874 d 1905. Ingvar og to brør kom til Sør-Aurdal frå Vestre Slidre, der far deira ei tid var husmann i Nøland under søre Hamarsnes. Den eine broren til Ingvar, Ole, kjøpte sidan Dokkebakkatn, og den andre, Arne, gifta seg med Guri Skogbråten og kjøpte Perlesteinbakken 97/5 i Hedalen. Barn til Ingvar og Inger:

1. Einar f 1903.
2. Anne f 1904.

Ingvar Erikson g 2. 1908 m *Inger Andreasdotter Røang,* nedre Roo 15/1, f 1878. Inger gifta seg opp att med *Johan Olson Rosenlund.*

Ingvar Erikson g 3. 1913 m *Olea Hermansdotter Kamben,* Skoglund 48/43, f 1887 d 1924. Dei er nemnde i Lykkjun 1913 og -14, i Grønengdale 1916 og -17, på Skogstad 1919 og på Bakkelund 1924. I 1919 kjøpte Ingvar Dokkebakkene Hammersnes i Bagn. Barn:

1. Karine f 1909 gm Johan Petterson Svenstad, til Hønefoss.
2. Hermann f 1913, sjå Hammersnes i Bagn.
3. Inga f 1914 gm Andres Brenno, Bagn.
4. Birger f 1916 gm Anna Hågensen.
5. Sigurd f 1917 gm Ruth Fjeldberg.
6. Oddleif f 1919 gm Kjellaug Andersson, sjå Nytun i Bagn.
7. Olga Ingegerd f 1924.

I 1908 selde Ingvar Erikson for 1200 kr. til broren *Ole Erikson* d 1918 gm *Pernille Mathiasdotter* frå Vardal d 1916. Barn:

1. *Borghild,* neste eigar, gm Edvard Gustavsen, Ringsaker.
2. *Olaf* f 1904, eigar seinare.
3. Signe f 1908 gm Leif Gjellum, Oslo.
4. Ragna f 1910 d 1915.
5. Magna gm Hilmar Olsen, Oslo.
6. Emilie g 1. m Petter Haugen, g 2. m Hans Viken (Haravika).

I 1919 fekk *Borghild Dokkebakkene* skøyte frå buet etter faren. Borghild selde i 1921 til *Erik E. Skåren,* som etter å ha utskilt Dokkevøllen same år selde i 1922 til *Olaf Olson Dokkebakkene* gm *Inga Flatbråten,* sjå nørdre Finnøya 73/31 m.fl.

I 1925 selde Olaf Dokkebakkene til *Erik Thorsrud,* og søre Torsrud har sidan vore eigar.

Nørdre Dølvesetre bnr. 10

Nørdre Dølvesetre, i daglegtale oftast berre Setre, ligg innunder lia i dalbotnen, 240 m o.h. Riksvegen deler jordvegen i to. Oppover i bakkane var tidlegare slåttar, men er no skog. Ein slåttedal mot grensa mot Sparkevik heitte *Trolldal'n.* I nørdre Dølvesetren var kvilestad for folk som fór forbi.

I ein kontrakt i 1751, sjå nedafor, blir opplyst at plassen Seter under Dølve var opprydda av Knut Kristenson. *Knut Kristenson* gm *Siri Gunnarsdotter Kamben* er nemnde i Dølvesetren 1733—41, men var i Lundo i 1744, sjå nørdre Lundatn. I ei gjeldssak mot Ola Ivarson Dølvesetre i 1792 er plassen kalla *Kristensetre.* Namnet viser mogleg attende til Knut Kristenson, men kan hende òg til far hans, Kristen Knutson. Kristen var frå Braka på Leirskoge, og vart etter stemning i 1713 forlikt med Jens Olson Braka om å gje frå seg 2 skinn eller bruk I i Braka. Kristen Knutson budde iallfall i Dølvesetren ei tid, for då kona hans vart gravlagd i 1736, er ho kalla «Kristen Dølvenseters kvinne».

Kristen Knutson Braka, Braka 44/bruk I, g 1702 m *Ingrid Ellendsdotter* f ca. 1668 d 1736. Barn som me kjenner:

1. Ellend f 1704.
2. Knut f 1705 g 1. m Siri Gunnarsdotter Kamben, g 2. m Beret Olsdotter Ølmhus, sjå båe gonger nørdre Lundatn.
3. Ellend f 1713 d 1728 i Sparkevik.

I 1749 er *Anders Arneson Bagn,* mogleg frå Lundoeige og f 1714, d 1765 g 1742 m *Anne Nilsdotter,* nemnde i Dølvesetren. Det kan også ha vore søre Dølvesetre, men denne plassen kjenner me ikkje med visse så tidleg. Anders døydde på Dølveseige. Dei er elles nemnde på Bagn 1742 og -46, på Tronhus 1752, og var på ein stad under Dølve i 1755 og 60. Barn:

1. Anne f 1742.
2. Arne f 1746 gm Gudbjørg Jonsdotter Garthuseige, sjå Tronhuseige.
3. Nils f 1749 gm Gunhild Arnesdotter Torsrudeige, sjå Leistrudeige.
4. Ola f 1752.
5. Anders f 1755.
6. Mikkel f 1760 gm Ingrid Jonsdotter Garthuseige, sjå nedre Tronhusseterbrøtin.

I 1751 overdrog Arne Olson Dølve plassen Setre til broren Ivar Olson. Ivar skulle betala 25 rd. til Knut Kristenson som hadde rydda plassen, heiter det, og svara 1 ort 8 skilling av skatten på Dølve.

Ivar Olson Dølve f 1712, i ei sak om skyssplikt over Leirskogen for Dølvesetre i 1796 omtala som Ivar Olson Åvåk, g 1745 m *Sesel Mattisdotter,* Leistrudeige, f 1722 d 1811. Barn:

1. Ola f 1745 gm Ingebjørg Gud-

brandsdotter Bagnseige, sjå Dølveseige.
2. Mattis f 1749 gm Marit Kristafersdotter Jukam, sjå Dølvesbergatn.
3. *Ola* f 1753, brukar seinare.

I 1754 selde Ivar Olson for 170 rd. til *Sjugurd Olson Sparkevik.* Sjugurd var også kalla Sparkevik då han i 1767 selde attende til odelsmannen *Ivar Olson Dølve* for 180 rd. Bruket var no vurdert til 1 skinn skyld.

I 1771 selde Ivar Olson til *Tøstein Arneson Dølve* f 1746 d 1824, med odelsretten til plassen for i alt 363 rd. Tøstein var g 1776 m *Kari Hallvorsdotter*, som då var enkje, f ca. 1734 d 1799. Barn:

1. Maria f 1777.
2. Marit f 1778 gm Sjugurd Amundson Tronrud, sjå Torsrudhagin.

I 1785 selde *Sjugurd Arneson,* sjå nørdre Dølve, plassen for 199 rd. til Ola Ivarson Dølve. Det vart vist til eit skøyte i 1776, sannsynlegvis då Sjugurd Arneson kjøpte av Tøstein Arneson.

Ola Ivarson Dølveseige d.y., nørdre Dølvesetre 48/10, f 1753 g 1. 1777 m *Siri Persdotter Bagn* f ca. 1726 d 1804. Ola Ivarson g 2. 1804 m *Marit Ivarsdotter Bagn* f ca. 1774. Barn som me kjenner:

1. Ivar f 1805.
2. Siri f 1808.

I 1792 stemna Knut Olson Dølve på hovudbølet Kamben Ola Ivarson for gjeld, 180 rd. etter obligasjon av 1785, dessutan 20 rd., og for resterande avgift av plassen. Dom fall ikkje før i 1796, men då var gjelda betald. I mellomtida var søksmålet også utvida til å gjelde skyssplikt. Men her vart vist til at Dølvesetre ikkje hadde plikt til å skysse meir enn ein gong over Leirskogen annakvart år. Saka enda med at Ola var frifunnen.

I 1804 selde Ola Ivarson for 641 rd. til *Arne Ivarson Dølve* gm *Anne Olsdotter Velingsrud,* sjå Klauvrud 14/10.

I 1807 selde Arne Ivarson for 200 rd. til *Kristafer Mattisson Dølve* gm *Beret Sjugurdsdotter Vøll,* sjå Midtvøll 32/8.

Kristafer Mattisson selde i 1828 for 600 spd. til *Sjugurd Mikjelson Brattrud,* midtre Brattrud 23/9, f 1800 d 1894 g 1828 m *Ragnhild Olsdotter Dølve,* Ølmhus, f 1804 d 1874. I 1830 kjøpte Sjugurd også søre Dølvesetre, som sonen Ola overtok. Barn:

1. Mikjel f 1828 d 1830.
2. Ola f 1830 gm Marit Eriksdotter, sjå søre Dølvesetre 48/11.
3. Kjersti f 1832 gm Mikjel Hallsteinson Dølve, sjå Dølve 48/2.
4. Siri f 1835 gm Ola Olson Sløtet.
5. Anne f 1841 d 1931, budde på garden. Anne tok seg av barna til broren Mikjel, då kona hans, Siri, døydde ung.
6. Marit f 1846 gm Ola Olson Prestbrøtin.
7. *Mikjel* f 1849, neste brukar.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 11 mål ganske god åker og dyrka eng, 16 mål ganske godt slåtteland, frå Grånlien og Bjødnsplasse kom 18 skippund høy, hamninga var neppe tilstrekkeleg, og dei lauva 400 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 6 naut, 9 sauer, 12 geiter, 1 gris, og sådde 1/8 tønne

rug, 1 tønne bygg, 2 tønner blandkorn og 4 tønner poteter.

I 1876 selde Sjugurd for 100 spd. til sonen *Mikjel Sjugurdson Dølvesetre* f 1849 d 1932 g 1873 m *Siri Olsdotter Klauvrud* f 1847 d 1887. Barn:

1. *Ragnhild* f 1874, brukar seinare.
2. Eli f 1877 d 1877.
3. *Syver* f 1878, neste brukar.
4. Eli f 1880 d 1950.
5. Ole f 1883 d 1884.
6. Ole f 1885 d 1886.
7. Sigrid f 1887 d 1887.

Sonen *Syver Mikkelson Dølvesæter* f 1878 d 1927 fekk skøyte av faren for 2000 kr. i 1907, g 1906 m *Anne Marie Olsdotter Tronhus* f 1883. Ho og Syver døydde med eitt års mellomrom.

I 1927 selde arvingane for 11000 kr. til *Martin Frøshaug* frå Hole, Ringerike, f 1882 d 1971 g 1906 m *Ragnhild Mikkelsdotter* f 1874 d 1965. Barn:

1. *Ole* f 1906, neste brukar.
2. Klara f 1907 gm Ludvig Bettum, Våle i Vestfold.
3. Randi f 1910 gm Ola Leite, sjå nørdre Dokke 30/19.
4. Margrethe f 1914 gm forfattaren Mikkjel Fønhus, sjå Nissebakkin 54/29.
5. Sigurd f 1918 d 1986 gm Marie Morken, Skjåk.

Ole Frøshaug f 1906 d 1974 g 1948 m *Marie Dølvesæter,* søre Dølvesetre 48/11, f 1918 d 1973. Ole døydde bråtт i skogen.

Dottera *Ragnhild Elise Frøshaug* f 1955 er eigar no, g 1977 *Harald Erik Grønvold,* Rogne, Øystre Slidre, f 1955. Barn:

1. Elisabeth f 1979.
2. Ole Håkon f 1984.
3. Anne Marit f 1986.

Nørdre Dølvesetre har ca. 13 da. dyrka jord og 600 da. produktiv skog.

Bygningen frå 1847 er restaurert og påbygd 1922 med ei stugu i kvar høgd, og restaurert på nytt 1977—80. Stabburet skal etter tradisjonen vera den gamle bygningen. Her var svalgang som er innkledd. Inntil den tømra låven vart bygt fjøs i 1936, det gamle fjøset stod for seg. Eldhuset brann ned kring 1970.

Nørdre Dølvesetre åtte halve setra Grånlie. Denne vart utskild i 1921 som bnr. 42, og seld til nørdre Leitet. Frå 1843 hadde garden setra Tobakkbrenne i pant, og kjøpte setra i 1907, utskild frå Køldokken som bnr. 32. Slåttelykkja Dokkebakkvøllen vart kjøpt frå øvre Dokkebakko i 1921, og lagd saman med setra. På setra er i tillegg dyrka nesten 60 da. I førre hundreåret hadde nørdre Dølvesetre også haustseter på Plassaåse, til seinare tid kalla Setervøllen.

Islandsmoen bnr. 12

Ned gjennom juv og bratte lier søkjer Islandselve mot Begna. Men det siste stykket blir ferda mindre strid. Her trekkjer den steile dalsida seg attende og lendet flatar noko ut, så mykje at folk fann *Moen* å vera eit høveleg namn. Dette var nok meir opplagt i eldre tid enn no, for skred under Storofsen i 1789 endra terrenget mykje, sjå innleiinga om Dølve.

Forbi Islandsmoen opp til Dølve gjekk den gamle *Hestevegen* og *Bein-*

stigen gjennom *Klevet*. Hestevegen var oppmura oppe i berget. Han kom austfrå over Leirskogen, og gjekk over Begna ved Koparvike. Før reguleringa var Begna liten.

Bruket Islandsmoen, i daglegtale helst Moen, ligg på nordsida av Islandselven, og er fyrste gong nemnd i 1751. Då bygsla Arne Olson Dølve bort plassen *Islandsmoen* til husmannen Gunnar Olson og kona hans for 1 rd. 3 ort i årleg leige. Gunnar og kona Ågot budde ein stad på Dølveseigedomen frå 1739, som kan ha vore Islandsmoen.

Gunnar Olson Dølve g 1739 m *Ågot Håvårdsdotter,* rimelegvis identisk med den Ågot Håvårdsdotter frå Lundoeige som vart gravlagd i 1800, 89 år gamal. Barn som me kjenner:

1. Ola f 1739 mogleg gm Guri Olsdotter, sjå Søreng 50/30.
2. Tora f 1744 gm Herbrand Tåmåsson Steinsetre, sjå Steinsetereige.
3. Arne f 1751 mogleg gm Guri Hallvorsdotter, sjå Langedragseige.

I 1766 overdrog Ola Arneson Dølve Islandsmoen med Svarttjednsetre for 99 rd. til verbroren *Ivar Olson Moen,* nørdre Lundatn, f 1726 d 1804 g 1764 m *Gunhild Arnesdotter Dølve* f 1738 d 1808. Barn:

1. *Ola* f 1764, neste eigar.
2. Mari f 1770 d 1800.
3. Arne f 1779 gm Anne Olsdotter Velingsrud, sjå Klauvrud 14/10.

Til vintertinget 1780 hadde Knut Kristenson Lundatn innstemna Ivar Olson med krav om å få att setra Svartsetervøllen som Knut hadde pantsett for 20 rd. til avlidne Ola Kristaferson Øyhus. Pantsetjinga hadde skjedd for om lag 16 år sidan, og var betaling for odelsrett Siri Bjørnsdotter hadde til Lundatn. Ola Kristaferson var formyndaren hennar. Ivar Olson hadde seinare kjøpt setra av Hans Olson Dølve, for 35 rd. Men på sumartinget vart Ivar dømd til å overlata Knut Kristenson setra til faredag 1781, samt betala Knut sakskostnaden på 2 rd. 2 ort.

Ola Ivarson f 1764, som var gm *Gunhild Larsdotter Lundatn,* sjå Vilhelmsbrøtin 40/3 om dei, kjøpte Islandsmoen av faren i 1802. Deretter var Arne Olson Dølve eigar, men selde attende til Ola Ivarson i 1809. Same år vart bruket skyldsett for 1/2 skinn. Ved skyldsetjingsforretninga vart også vist til eit skøyte frå Ola Arneson Dølve til Ivar Olson i 1783. Dette salet omhandla ein del åker og eng som skulle fylgje plassen.

I juni 1810 fekk Ola Ivarson taksert påkostnader han hadde gjort og planla å gjera i tilfelle Islandsmoen vart teken att på odel. Arbeidet omfatta fylgjande punkt: 1. Ei bu var teken ned og oppsett på nytt. 2. Flytting av smiu. 3. På låven var lagt varetak. 4. Ein port var oppsett, med to stolpar og tverrtre. 5. Frå «vannstalten» var lagt vassledning til den søre åkeren — dette må vera for åkervatning. 6. I gardsrommet hadde Ola fjerna ei stor mengd stein og køyrt på jord for å rommet så jamt og steinfritt som mogleg. Han ville også rydde enga, bryte opp noko åker og rydde vekk ei stor steinrøys.

Ola Ivarson såg rett då han frykta odelskrav, for i 1812 måtte han selja garden til Ola Arneson Leitet. Ola Arneson var son til Arne Olson Dølve, og hadde innløysingsrett. Salssummen var 900 rd.

Ola Arneson Dølvesmoen, Dølve bruk I, f 1792 d 1844 g 1818 m *Kari Hansdotter nedre Jukam* f 1797. Det var skifte etter Kari på nedre Kambe 1835—36, som Ola hadde kjøpt i 1835. Barn:

1. Hans f 1819 gm Kari Knutsdotter Kyrkjebjørgo, sjå Plassen 22/9.
2. Tora f 1821.
3. Arne f 1823.
4. Arne f 1824.
5. Marit f 1826.
6. Ola f 1829, til Torpa 1856, då kalla Hølvegen.
7. Kristafer f 1832.

Ola Arneson selde til *Ellend Sjugurdson Skaratn* — «Ku-Ellend» — gm *Gunhild Olsdotter Bagn*, sjå Skaratn. Dei er nemnde på Islandsmoe i 1833 og -36. Ellend Sjugurdson selde Svarttjednsetre til Ola Olson Dølvesbrøtin, og i 1836 vart setra skyldsett.

I 1836 selde Ellend Sjugurdson til *Ola Olson Hølersetre* gm *Marit Mikjelsdotter Torsrud,* sjå nørdre Roo 8/2. Dei reiste til Amerika.

I 1841 selde Ola Olson for 50 spd. til den fyrste av ætta som sidan har vore på garden, *Hans Person Dølvesdokke,* søre Tronrud 25/1, f 1805 d 1895 g 1833 m *Marit Trondsdotter Bagnsbrøtin* f 1804 d 1893. Barn:

1. Sesel f 1833 gm Arne Høljeson Koparvikbrenne.
2. Tøren f 1835 gm Anders Erikson nørdre Smedsrud.
3. Per f 1837 d 1837.
4. *Trond* f 1839, neste brukar.
5. Siri f 1841 gm Knut Knutson Brubakklykkja, sjå Liffengren 33/3.

Hans Person Islandsmoen f 1805, fotografert i 1894, året før han døydde. Hans, «Hans på Moe», var frå søre Tronrud, og kjøpte Islandsmoen i 1841. I 1842 bygde han eit nytt tun noko høgre opp enn det gamle. Hans dreiv noko handel som attåtnæring. Han kjøpte opp jordbruksprodukt som smør og ost, og bytte dei på Bragernes i varer han sidan selde heime.

6. Per f 1845, til Klevenville, Wisconsin, 1881, gm Gurine Pålsdotter Milevatnet.
7. Hans f 1848, smed på Biri, gm Anne Dorthea Olsdotter Tåmåsbrøtin frå Tåmåsbrøta under Steinsetren.

«Hans på Moe» var fødd på Tronrud. Men då det gjekk ut for foreldra hans der, måtte Hans ni år gamal ut for å tene seg mat og klede. Som vaksen tente han hjå presten Bøye i ni år. Av han lærte Hans å smi, eit handverk som vart han til nytte heile livet. Hjå etterfylgjaren til Bøye, Pet-

tersen, var Hans gardsstyrar. Før han kom til Bøye, hadde Hans tent hjå «Erstadkallen» på Erstad. Etter å ha gifta seg, kjøpte Hans det vesle bruket Køldokke, som han bytte mot Islandsmoen. Her bygde han opp nye hus eller vølte dei som var. I Islandselven sette han opp sag, og smiu med utstyr. Dei to yngste sønene lærte han opp til smedar.

Som attåtnæring tok Hans til med å kjøpe varer som smør og ost av bøndene. Dei reiste han til Bragernes med, og bytte i korn og andre nødvendige varer, som han selde i heimbygda. Hans hadde gjort fleire byturar for å kjøpe inn varer for presten, og var difor vand med slik handel. Også til Lærdalsøyri drog han.

Til ein Bragernestur gjekk det med 14 dagar. Heimatt frå Bragernes rodde han Tyrifjorden og Steinsfjorden, leigde hest og køyrde til Sperillen, der det var til å ro att. På turane hadde han gjerne med seg tre-fire mann til å hjelpe til med roinga og transporten elles. På ein bytur vart Hans kjend med kaptein Seip på Nerstrand, og kom med i styringa for Greveskogane. (I hovudsak frå Valdres 9. og 12.7.1904.)

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 9 mål noko skarp åker og dyrka eng, 36 mål magert slåtteland, frå Svarttjednsetren og Juve kom 18 skippund høy, hamninga var nokolunde tilstrekkeleg, og dei lauva 500 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 7 naut, 11 sauer, 9 geiter, 1 gris, og sådde 1/8 tønne rug, 1/2 tønne bygg, 3 tønner blandkorn, 1/16 tønne erter og 3 tønner poteter.

I 1869 selde Hans Person for 100 spd. til sonen *Trond Hansson Islandsmoen* f 1839 d 1915 g 1866 m *Ingebjørg Olsdotter Tamburgarden* f 1839 d 1928. Trond og Ingebjørg var svært musikalske. Dei song godt og kunne mange tonar og slåttar. Trond spelte òg langeleik. Blant barna var det sjeldsynt musikalsk givnad:

1. Hans f 1867 gm Berte Marie Olsdotter Grøv, sjå Knattvoll 32/22. Hans Islandsmoen, som styrte telefonsentralen i Bagn, var organist ved Bagn og Reinli kyrkjer, leiar for Hølera hornblåserforening, den fyrste hornmusikken i Sør-Aurdal, og mangeårig leiar for Bagn og Reinli strykeorkester.
2. *Martin* f 1869, neste brukar, var songinstruktør.
3. Ole f 1870 d 1939, kjøpmann i Sør-Aurdal og handelsreisande.
4. Olaus f 1873 d 1949. Olaus Islandsmoen var *hovdingen* i Sør-Aurdal, sjølv om han budde størsteparten av livet på Hadeland. Frå ungdomen gjekk han med glød inn i arbeidet for dei store sakene i tida, som nasjonal reising, frilynd ungdomsrørsle og fråhaldssak. Livsverket hans var Vest-Uppland folkehøgskole på Brandbu, som han grunnla saman med landbrukskandidat Benum og styrte ein mannsalder. Med si sterke historiske interesse vart Olaus Islandsmoen drivkraft for reisinga av Hadelandsmuseet, og på tomtene til det gamle søre tunet på heimegarden skapte han Bagn Bygdesamling. Alt i 1914 gav han ut boka Søre Aurdal og Etnedalen, som m.a. rommer verdfull munnleg tradisjon.
5. Kari f 1875 gm Ole Andreas Arneson nørdre Øyhus.
6. Tonetta f 1876 gm Herman Arneson nørdre Leitet.
7. Marit f 1876, tvilling med Tonetta, gm Ole Arneson Fønhus, sjå Liffengren 33/3.
8. Sigrid f 1879 d 1881.

Trond Hansson Islandsmoen f 1839 og kona Ingebjørg Olsdotter f Tamburgarden 1839 med barna. Til venstre fremst Kari, til høgre Marit. Bak frå venstre Ola, Hans, Olaus, Sigurd, Martin og Tonetta.

9. Sigurd f 1881 d 1964 gm Ragna Eker, Gjøvik. Dei hadde to barn: Per, busett i Moss, og Randi, busett i Oslo. Sigurd Islandsmoen var musikar og komponist, eit av dei store namna innan musikken i Noreg i samtida. Som smågut på setra hadde han med seg ei fjøl der orgeltangentane var påmåla. Denne fjøla kunna han sitja og spela på. Tonane høyrde han inne i seg, slik den kan som er rikt musikalsk utrusta.

Frå 1916 til 1961 var Sigurd Islandsmoen organist i Moss, og gjorde ein stor innsats for musikklivet i kyrkja og byen. Han stifta Moss korforening og Moss orkesterforening, som han leidde ved ca. 50 oratorieoppføringar. Blant komposisjonane utgjer dei store kyrkjelege korverka hovudtyngda, m.a. dei to oratoria «Israel i fangenskap» og

Trond Islandsmoen og Arne Brænden slipar ljå på Svarsetren i juli 1953.

«Heimatt frå Babel». Han skreiv ei rekkje korsongar, av dei hans mest kjende komposisjon, «Det lysnet i skogen». Han samla folketonar frå Valdres, og har også nytta dei i sine eigne komposisjonar.

Til 60-årsdagen i 1941 skreiv Torstein Høverstad i Valdres: «Sigurd Islandsmoen har lyft arven frå ei musikalsk ætt og bygd på ein måte som i dag ikkje berre Valdris, men heile landet er byrg av, og takksam for.»

Trond Islandsmoen selde i 1912 for 3000 kr. til sonen *Martin Trondson Islandsmoen* f 1869 d 1918 g 1901 m *Olea Reiersdotter Dølven*, Dølve 48/1, f 1880 d 1963. Barn:

1. *Trond* f 1902, neste brukar.
2. Ingebjørg f 1907 gm Arne Brænden, sjå Vollheim 32/21.
3. Inger f 1910.

Trond Martinson Islandsmoen f 1902 overtok i 1948, gm *Ingebjørg Kristoffersdotter Lundene,* nørdre Lundatn 50/11, f 1916. Barn:

Hans Martin f 1950, eigar frå 1979.

På Islandsmoe er 20 da. dyrka jord. Terrenget er prega av skred og utgravingar av flaum i Islandselven. Etter

ein flaum sist på 1800-talet vart det bygt ein mur langs elvekanten, som framleis står. Islandsmoen har også hatt jord på Trudvang gnr. 32 bnr. 16 i Bagn, som Martin T. Islandsmoen kjøpte i 1909 etter onkelen Hans Hansson Islandsmoen. Mykje av Trudvang er no bustadfelt. Dyrka jord i alt er om lag 50 da. Produktiv skog er 500 da. I 1970 vart laga traktorveg langs Islandselve.

I innmarka er namna *Sørmoen,* og nede ved Begna er *Vesleenge.* Langs Begna var slåttane *Hanseslettet* og *Midtslettet.* Oppe i Islandsjuve var *Kølplassrabben* og *Røtedalsslettet.* I slåttedalane langs Islandselve — *Meisedal'n, Køldal'n, Helvetesdal'n* og *Skreodal'n* — gjekk det som kunne takast opp til Dølve, og det som kunne takast ned til Moen. Noko tilknyting til Moen hadde også *Fiskhøldal'n* og *Brennarenna* på den andre sida av elva.

Det gamle tunet stod på *søre Moe,* der Bagn Bygdesamling no er. Litt høgre enn noverande tun er også spor etter tomter. Hans Person frå Tronrud bygde det nye, øvre tunet i 1842. Han tok med peishella frå det gamle tunet og sette ho inn i muren på stugu. Hans sette opp bygning i to høgder der det nye våningshuset frå 1976 no står. Den gamle bygningen vart flytta til bygdesamlinga i byrjinga av 1940-åra. Låven vart også flytta opp, men sidan flytta attende til bygdesamlinga. Til bruk for folk lengre oppe i bygda, som skulle opp *Hestevegen,* bygde Hans eit vognskjul. Dei måtte setja att køyrereiskap på Moe fordi Hestevegen ikkje var farande med hjuldoning. Trond Hansson bygde livaursbyning til foreldra. Denne stugu stod deretter tom ei tid, men vart så brukt til skulehus inntil det nye skulehuset nedafor vegen var ferdig. Trond Martinson bygde på livaursbygningen i 1930-åra. Hans Person hadde eit stabbur som var kome frå Leite. Stabburet vart flytta ned til bygdesamlinga, det fyrste huset som vart flytta dit. Uthus og fjøs vart bygde i 1940. Under krigen i 1940 vart det sleppt fleire bomber i berget ovafor garden, og husa vart ille medfarne av lufttrykket etter eksplosjonane.

Brøtatrøe er lagt inntil vollen på Svarttjednsetren, eller Svartsetre, ovafor Svarttjedne. Det er nydyrka noko på setra dei siste åra. Bilveg frå Høgemyr kom i 1936—39. Gamlevegen til setra gjekk opp ved Koparvike om Brenne til Smettbak, over Fautmyre, Dugurdsmyre og Storstrupin til Svarttjednet. Der låg ei trebru over ytre enden av tjednet.

Dølve skule

Skulehuset i Dølve krins er bygt på Islandsmoe, på tomt nedafor vegen gjeven av Trond Hansson Islandsmoen.

Lærar her frå 1925 til 1966 var *Ingvar Kristofferson Koppervik,* midtre Koparvike 50/5, f 1898 d 1982 g 1926 m *Åsta Knutsdotter Bergsund* f 1906 d 1935. Sjå meir om Ingvar Koppervik i bilettekst under Dølve krins. Barn:

1. Solveig f 1928 gm Gunnar Kolsrud, Bagn.
2. Astrid f 1931 gm Arne Jodalen, Aurdal.
3. Kari f 1934, sosialsjef i Sør-Aurdal, gm Hallvard Dokken, Bagn.

Dølveseige

Bård Jensson Leikebakke f ca. 1708 d 1775 g 1738 m *Ingebjørg Pålsdotter,* mogleg frå Sparkevikeige og f 1719, d 1792. Båe døydde på Dølveseige, der dei er nemnde frå 1765. Plassen var kan hende Dølvesbrenne, for ved ei skylddeling i Brenn i 1822 er *Bårdslettet* nemnt. Barn:

1. Pål f 1740.
2. Jens f 1740, tvilling med Pål, gm Anne Kristafersdotter Ølmhus, sjå Dølvesbrenne.
3. Siri f 1746.
4. Pål f 1752 gm Kari Arnesdotter Torsrud, sjå Koparvikeige.
5. Bård f 1754.
6. Ola f 1758.
7. Hans f 1761.
8. Siri f 1765.

Ivar Olson Dølve gm *Sesel Mattisdotter,* sjå nørdre Dølvesetre 48/10.

Trond Bottolvsen Skrukkelia gm *Tøren (Taran) Olsdotter* er nemnde på Dølveseige 1758, -60 og -69, men på Tronrudeige 1763, -66 og -67, sjå Tronsplassen 50/26.

Ola Narveson Torsrud f 1729 d 1798 som legdsfattig frå Dølveseige g 1758 m *Tora Olsdotter Bagn.* Dei er nemnde på Torsrud 1759, på Sørflaten 1761 og på Brattrud 1764, men eldste sonen var kalla Dølveseige då han gifta seg i 1787. Barn:

1. Narve f 1759 gm Anne Østensdotter Hesthagin, sjå Sørflatdalen 27/6. Dei er nemnde på Dølveseige 1787—1802.
2. Ola f 1761.
3. Marit f 1764.

Ivar Arneson Langedrag, kan hende frå Lundoeige og f 1727, d 1773 på Sørum g 1758 m *Kari Hallvorsdotter Øyhus,* mogleg frå Leistrudeige og f 1735. Dei er nemnde på Dølveseige frå 1759. Kari g 2. 1776 m *Tøstein Arneson Dølve,* sjå nørdre Dølvesetre 48/10. Barn til Ivar og Kari:

1. Gunhild f 1759.
2. Arne f 1762.
3. Hallvor f 1766 gm Anne Herbrandsdotter Steinsetre, sjå Sveriplassen 50/32.
4. Mikjel f 1769.
5. Anne f 1769, tvilling med Mikjel.
6. Arne f 1771.

Hans Olson Koparvike f ca. 1736 d 1828 g 1. 1761 m *Marit Arnesdotter Dølve* f 1741 d 1762. Hans Olson g 2. 1766 m *Siri Olsdotter Sparkevik* f ca. 1742 d 1808. Barn til Hans og Siri:

1. Marit f 1766 g 1. m Harald Haraldson Juve, sjå Juve 26/2.
2. Ola f 1768 gm Anne Knutsdotter Dølve, sjå Juve 26/2.
3. Sesel f 1772 gm Per Olson søre Tronrud.
4. Ola f 1775 gm Sofie Andersdotter Bagn, sjå Hesthagin.
5. Anne f 1782 gm Ola Olson Byfellie.
6. Siri f 1785 d liten.
7. Siri d som spedbarn 1790.

Ola Olson Tronhuseige fekk i 1771 sonen Ola med *Gunhild Hallvorsdotter Dølveseige.*

I 1771 fekk *Ola Arneson* og *Beret Olsdotter* dottera Beret på Dølveseige.

Anders Mikjelson og *Rønnaug Kristensdotter* fekk i 1772 sonen Ola.

Harald Tøsteinson, Erstad, f 1743 var kalla Dølveseige då han i 1774 gifta seg 1. m *Marit Sjugurdsdotter nørdre Roo* f 1743 d 1778. Harald g 2. 1782 m *Tora Tallaksdotter Brunbakke* sjå under Skinningsrud.

Ola Ivarson Dølveseige, nørdre Dølvesetre 48/10, f 1745 g 1784 m *Ingebjørg Gudbrandsdotter Bagnseige,* Haugsrud, f 1751. Dei er nemnde på Leite 1785—88, og på Dølveseige 1791—93. Barn:

1. Nils f 1785 d 1786.
2. Ivar f 1787 d 1787.
3. Marit f 1791 d 1792.
4. Marit f 1793.

Anders Olson Nedrebøen, Bøle bruk II, f 1766 d 1817 på Dølveseige g 1793 m *Mari Olsdotter Dølve,* Dølve bruk I, f 1761 d 1832 som innerstenkje på Dølve. Barn:

1. Ola f 1794.
2. Ola f 1795.
3. Ola f 1798.
4. Marit f 1797 d 1797.
5. Gudbrand f 1804.

Ola Trondson Dølveseige, Tronsplassen 50/26, f 1769 g 1799 m *Gudbjørg Jonsdotter Garthuseige* f 1767 d 1830 som legdsfattig frå Dølveseige. Barn:

Arne f 1801.

Dølve, ukjend bustad

Randi Ivarsdotter Hølersetre fekk i 1703 dottera Anne. Faren vart oppgjeven å vera Arne Olson Dølve.

Ola Hallvorson Dølve fekk i 1710 sonen Hallvor.

I 1738 fekk *Hallvor Trondson* dottera Anne med *Siri Olsdotter Dølve.*

Knut Gudbrandson Dølve g 1747 m *Anne Bjørnsdotter Øyhus,* Øyhus bruk II, f 1722 fekk i 1746 sonen Gudbrand.

Jon Olson og *Guri Arnesdotter* er nemnde på Dølve 1758—61, sjå Sparkevikeige.

Arne Olson og *Sesel Olsdotter* fekk i 1815 sonen Ola på Dølve.

I 1861 gifta *Marit Olsdotter Dølve* seg med *Hans Gunneriusson* frå Gottenborgseige, Bruflat.

Leitet (Leite)

Før 1838 høyrde Leitet under nedre Bagn, og hadde matrikkelnr. 143. Gamal skyld var 1 1/2 skinn.
***1838:* Nytt matrikkelnr. 46, skyld 1 dalar 1 ort 6 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 49, skyld 5 mark 26 øyre.**

Dei to Leitegardane ligg nede i dalbotnen på austsida av Begna, og har samanhangande jordveg langsetter elva. Dalen er nokså trong her, men vidar seg ut nedunder *Leiteberge* og gjev plass for Leitegardane på ei langstrakt lomme. Mellom Leitet og Sandvike lengre nede spring stupbratte berg fram.

Nørdre og søre Leitet har ikkje vorte til gjennom deling, men vart tekne opp kvar for seg på 1700-talet som plassar under nedre Bagn. I eldre tid er difor dels namnet *Bagnsleitet* nytta. Ved matrikuleringa i 1838 vart dei to Leitegardane skilde frå Bagn og fekk eige matrikkelnummer.

Namnet Leitet kjem av *leiti* n. Den eine tydinga er ein stad der ein kan sjå langt, t.d. i ein dal der elva løper beint og inga høgder sperrar for utsikta. Nett slik er dalen ved Leitet, frå Islandsmoe og nordover, slik at denne tydinga må høve godt. *Leito* heiter framleis denne elvestrekninga. At det er oppfatninga av utsyn som ligg bak, blir underbygt av ei rettssak i 1740. Då var det strid om eit engeslette under Bagn, kalla «Langleite». Det kan neppe vera anna enn det seinare gardsnamnet Leitet. Hjå Tore Ørjasæter er «Gudbrand Langleite» hovudperson i diktverket av same namn. Her har namnet fått symbolsk innhald for å uttrykke motivet om lengsel etter utsyn, oppbrot og utferd.

I sør grensar Leitet mot Langedrag og i nord mot nedre Bagn.

På jordet til nørdre Leitet er det funne ein pilespiss frå merovingertid (600—800 e.Kr.), som no er på Universitetets Oldsaksamling.

Før det kom bru, gjekk all ferdsel til og frå Leite rett over elva, i båt om sumaren og på isen om vinteren. Ei ferje tok større lass som køyrereiskap, hest, eller opptil to—tre kyr. Særleg i flaumtida og medan tømmerfløytinga gjekk, var det ofte både farleg og tungvint å ferdast på vatnet. I flaumåret 1860 var elva så stor at dei på søre Leite batt båten i skåleveggen, er det fortalt. På vinterføre over isen frakta dei fôrlass frå setra. Etter kvart som elva vart regulert, hadde ho vanskelegare for å fryse til på vanleg måte. For å få isveg tidlegare, vart det brukt å «høgge floke», slik dei også gjorde andre stader. Sjå grendeoversynet om Hølera om dette arbeidet. Kraftverket i Bagn øydela isvegen heilt i 1962.

I 1953 bygde søre Leitet bru over elva. I 1968 overtok kommunen brua og vegen til søre Leitet på vilkår av at også nørdre Leitet skulle ha ferdsla si her. I 1956 bygde nørdre Leitet taubane over elva til å transportere mjølkespann og andre lettare gjenstandar. Taubanen var i bruk til trafikken over Leitebrue byrja. For skogsdrifta var det meir lettvint så lenge fløytinga gjekk. Då kunne tømmeret veltast beinveges i elva. No må det køyrast over brua til vestsida.

Utsyn oppover dalen med Lindelie i bakgrunnen. På andre sida av Begna, nedunder Leiteberge, ligg nørdre Leitet med dei gamle husa, som brann i 1940.

Nørdre og søre Leitet brende tjære saman til båtar, reiskap og også til sal.

I tillegg til dei to Leitegardane har det vore to andre bustader på Leite. Sørli bnr. 4 vart utskild frå søre Leite i 1860, og Lønnum bnr. 5 frå skog under Leite, bnr. 2, i 1897.

Folketal 1801—1900

	Bonde-folk	Teneste-folk	Husmanns-folk	Handverks-folk	Arbeids-folk	Fattig-folk	Andre	Sum
1801*			10					10
1865	24							24
1900	17	1					5	23

*Brukarane er førte som husmannsfolk, og det er rekna med folk på båe Leitegardane.

Bruk og husmannsplassar

Dei eldste kjende opplysningane om Leitet går attende til om lag midten av 1700-åra. I 1740 var det sak om engeslettet «Langleite», innstemna av Kristafer Olson på nedre Bagn bruk IV eller Bagnsøydgarden mot Ivar Sjugurdson på nedre Bagn bruk I. Kristafer viste til at engeslettet i «uminnelig tid» hadde vore brukt under garden hans. Men no hadde Ivar og fleire med han hogge tømmer der og teke frå Kristafer tømmer som alt var nedfelt. Kristafer og Ivar vart forlikte om at Ivar skulle behalde Langleiteslettet og skogen, mot at Kristafer beheldt den søre bråten på *Bjødnaberge* og all skogen der.

Langleiteslettet, som etter dette forliket kom under nedre Bagn bruk I, kan vera identisk med seinare *nørdre* Leitet. For seinare kjelder viser at nørdre Leitet låg under nedre Bagn bruk I, medan søre Leitet høyrde under nedre Bagn bruk II.

Under saka i 1740 var det ført fleire vitne. Av dei var Arne Mikjelson «Langleite». Arne Mikjelson Langleite var også blant innstemna vitne til ei sak om misbruk av pantegods i Tronhus i 1741. I 1742, då den sistnemnde saka kom opp etter utsetjing, er han oppgjeven å vera 49 år. Namnet «Langleite» kan vise til at Arne faktisk budde på Leite. Er det rett at strida om engeslettet galdt seinare nørdre Leitet, må bustaden til Arne i så fall ha vore søre Leitet.

Nørdre Leitet bnr. 1

Etter Ivar Sjugurdson vart Hans Kristaferson brukar på nedre Bagn bruk I. I 1751 bygsla Hans bort det som då vart kalla *plassen* Leitet under garden, truleg nørdre Leitet, til husmannen *Lars Erikson* og kona hans. Lars var g 2. m *Barbro Olsdotter,* og hadde før budd på Bagnsmoe, sjå der. Lars døydde i 1773 på ein plass under Bagn, kan hende Leitet.

Leiga etter kontrakten frå 1751 skulle vera 2 rd. Hans Kristaferson eigde husa, heiter det, og plassen skulle brukast som før, saman med eit lite slette med eit lite åkerstykke i. I bygselavgift hadde Lars gjeve Hans låven på ein annan plass under garden, og som han hadde brukt før.

I 1783 fekk *Nils Olson,* då kalla nørdre Leitet, plassen Leitet i brukeleg pant av Mikjel Reiarson og Anders Arneson Bagn på nedre Bagn bruk I for eit lån på 243 rd. Nils Olson frå nedre Storøydgarde bruk I, f 1752, døydde straks etter i 1783 på Leite, 31 år gamal, g 1772 m *Ingebjørg Gudbrandsdotter Haugsrud* f 1751. Barn:

1. Ola f 1774.
2. Ola f 1775 gm Gjartrud Eriksdoter Byffellie, sjå Vilhelmsbrøtin 40/3.
3. Gudbrand f 1781.

Ingebjørg Gudbrandsdotter g 2. 1784 m *Ola Ivarson Dølveseige.* Dei er nemnde på Leite eller Bagnseige til 1788, men frå 1791 på Dølveseige, sjå der.

Erik Olson Lundatn, Kyrkjebjørgo bruk I, f 1740 d 1813 g 1764 m *Ingebjørg Monsdotter Lundatn,* Storøydgarden, ukjend bustad, f 1737 d 1823 på Steinsetereige. Dei er nemnde på Kyrkjebjørgeige 1764, på Bagnseige 1774 og -78, i Hesthaga 1781, og var i 1801 husmannsfolk under nedre Bagn

bruk I. Det kan ha vore nørdre Leitet ettersom Erik var kalla Leitet då han døydde. Barn som me kjenner:

1. Ola f 1764 g 1. m Marit Nilsdotter Bagn, g 2. m Kari Mikjelsdotter Steinsetereige, sjå båe gonger Liabekklie 52/4.
2. Marit f 1774.
3. Mons f 1778.
4. Marit f 1781.

Ingebjørg g 2. 1814 m *Hans Olson Juve,* sjå Juve 26/2.

Eigar frå 1802 var *Arne Olson Dølve* gm *Tora Gudbrandsdotter,* sjå Dølve bruk I. Arne hadde vore brukar på Dølve, der det gjekk ut med han. I 1802 makeskifta Arne til seg Tamburgarden mot Dølve, men selde samstundes Tamburgarden til Arne Hermannson og Mikjel Reiarson på nedre Bagn for 599 rd. Til gjengjeld selde Arne Hermannson og Mikjel Reiarson nørdre Leitet, deira felles plass under Bagn, til Arne Olson for 100 rd. Frå 1809 til -13 åtte Arne Olson søre Leitet, og kom deretter til Dølvesbrenne.

Arne Olson eller ein ny eigar etter han må ha selt nørdre Leitet attende til dei førre eigarane på Bagn. I 1806 selde iallfall *Mikjel Reiarson Bagn* halvdelen sin i Leite for 500 rd. til *Arne Hermannson Bagn.* Kven som brukte nørdre Leitet framover, er ikkje kjent, men Arne Hermannson var framleis eigar i 1825. I 1808 hadde han kjøpt nørdre Dølve eller Kamben etter at nedre Bagn bruk I var seld til prestegard.

Arne Hermannson selde i 1825 nørdre Leitet av 1 skinn skyld for 50 spd. til sonen *Ola Arneson Bagn,* nørdre Dølve, f 1799 d 1887 g 1824 m *Beret Gudbrandsdotter Dølve,* Dølvesbrøtin 48/19, f 1799 d 1852. Barn:

1. Marit f 1825 gm Sjugurd Sjugurdson Skaratn, sjå Stavadalsmoen 5/3.
2. *Arne* f 1828.
3. Ingrid f 1831 gm Arne Erikson Jukamseige, sjå Bergli 36/8.
4. Kari f 1834 gm Mikjel Mikjelson Bagnsbrøtin.
5. Anne f 1836 gm Hallstein Hallsteinson Rustebakke, sjå Jukamseige, til Amerika 1866.
6. Gudbrand f 1839 d 1889 på Leite.
7. Hermann f 1842 d 1844.

I 1854 selde Ola Arneson for 100 spd. til sonen *Arne Olson Leitet* f 1828 d 1902 g 1850 m *Olea Hansdotter søre Leitet* f 1828 d 1893. Barn:

1. Marit f 1849 gm Mikjel Ivarson Milevatnet, sjå der, til Amerika 1883.
2. Berit f 1851 d 1851.
3. Ole f 1852 gm Anne Marie Isaksdotter Skjerstein, sjå Kølbu 46/4.
4. Hans f 1854, til Amerika 1883.
5. Berit f 1857 gm Ole Olson Dalen, sjå Dalen 41/5.
6. Anton f 1859, til Amerika 1878.
7. Eli f 1862 gm Knut Haraldson Turibrøtin, sjå Erstad 33/1.
8. Siri f 1864 gm Harald Haraldson Turibrøtin.
9. Herman f 1866 d 1866.
10. *Herman* f 1867, neste brukar.
11. Martin f 1872 d 1896.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 10 mål vanleg åker og dyrka eng, 30 mål vanleg slåtteland, frå Grånlien og Svølkopp kom 16 skippund høy,

hamninga var ikkje tilstrekkeleg, 1 tylft furutømmer kunne hoggast for sal, dei lauva 800 kjerv, det var ikkje frostfritt, og garden var noko utsett for oversvømming. I 1865 hadde dei 5 naut, 10 sauer, 10 geiter, og sådde 1/8 tønne rug, 1 tønne bygg, 1 tønne blandkorn, 1/8 tønne erter og 4 tønner poteter.

Arne Olson selde i 1896 for 700 kr. til sonen *Herman Arneson Leitet* f 1867 d 1918 g 1897 m *Tonetta Trondsdotter Islandsmoen* f 1876 d 1936. I 1897 selde Herman attende til faren, som selde på nytt til Herman i 1899. Barn:

1. Olea f 1898.
2. *Arne* f 1899, neste brukar.
3. Trond f 1901 d 1916.
4. Ingebjørg f 1903 gm Kristian Brenden, sjå øvre Dølvesbrenne 48/14.
5. Ola f 1905 gm Randine Elise Martinsdotter Frøshaug, sjå nørdre Dokke 30/19.
6. Sigurd f 1907 gm Målfrid Skattebo, Øystre Slidre.
7. Hans f 1908 gm Ingeborg Magnhild Olerud, Brandbu.
8. Marit f 1910 gm Ole Bråten, Garthus.
9. Martin f 1911 gm Kristine Degrum, busette i Moss.
10. Ragnhild f 1913 gm Reidar Dølven, sjå Dølve 48/1.
11. Toralf f 1915 gm Haldis Biribakken, busette i Bagn.
12. Trond f 1916 gm Jøran Thorsrud, sjå nedre Torsrud 30/2.

Arne Hermanson Leite f 1899 fekk skøyte av mor si i 1927, gm *Olaug Olsdotter Juvkam*, nedre Jukam 36/5, f 1911. Barn:

1. *Herman* f 1942, eigar no.
2. Tone f 1945 gm Dirk van der Wel, busette i Asker.
3. Olav f 1948.

Herman Leite f 1942 gm *Inga Marie Bjørke,* Bjørke 33/7, f 1950. Barn:

1. Arne f 1980.
2. Jorunn f 1985.

Nørdre Leitet har 25 da. dyrka jord heime. Lengst nord på eigedomen, i grensa mot Sørli, heiter det *Tronskørre.* Andre stadnamn er *Harabakkin, Sandåker'n, Langåker'n, Dylleåker'n, Tomteåker'n* — der våningshuset stod før 1905, *Smiuøddin, Badstuguroe, Linlandet* og *Linlandberget.* På Linlande dyrka dei lin, medan Linlandberget vart brukt til å røytte linet.

Produktiv skog er 420 da., og seterteigen har 86 da. produktivt areal. Oppe på Leiteberge ligg tre teigar, kalla Leiteberget skog, som no høyrer under garden. To vart utskilde frå nørdre, og den tredje frå søre Leite.

I 1905 flytta Herman Arneson f 1867 våningshuset nordover med langsida mot elva. Han har nok også flytta andre hus. Om ettermiddagen 19. april 1940 brende tyskarane stugu, uthuset og stabburet. Krøtera vart utsleppte, men ikkje ein unghest. Berre eit gamalt eldhus overlevde krigen. Fjøset i uthuset frå 1935 var i betong, og kunne brukast att. Resten av uthuset stod ferdig til avlinga i 1940 skulle inn. Eigaren Arne Leite stod for oppattbygginga etter krigen med god hjelp av brørne, Toralf med lafting av nytt våningshus i 1941 og stabbur i 1942 og Sigurd som m.a. mura køyrebrufoten.

Olaug Olsdotter f Juvkam 1911 og mannen Arne Hermanson Leite f 1899 med sonen Herman foran, eigar no, på setra Grånlie i 1944.

Nørdre Leitet hadde frå gamalt halvparten i ei seter i Grånlien. Den andre halvdelen hadde nørdre Dølvesetre. Vollen var delt, men fjøs og bu hadde dei saman. I 1921 ville Dølvesetre selja delen sin. Han vart utskild same år som Grånlisetre gnr. 48 bnr. 42, og året etter fekk Tonetta Leite skøyte. Husa er gamle. Fjøset stod før rett ned for bua, men vart flytta opp og nordover. Arne Hermanson bygde låve i 1930 med køyrebru, to fôrbrøt og lessarskut i midten. Mykje av vollen er dyrka. Frå 1974 har nørdre Leitet hatt krøtera på Venelia fellesseter, men på Grånlien blir kvart år dyrka 15—20 tonn høy. Nørdre Leitet hadde også haustsetra Svølkopp i søre delen av Grånlie saman med søre Dølvesetre. Bua brann ned og setra kom ut av bruk. Olaus Islandsmoen kjøpte setra seinare, og no høyrer ho til Øymoen.

Søre Leitet bnr. 3

I ei odelssak om søre Leitet i 1805, sjå nedafor, heiter det at denne plassen før høyrde under garden til Ola Gudbrandson Bagn — nedre Bagn bruk IIa eller Tamburgarden, og at Ola selde til eldste sonen Arne Olson. Salet skjedde i 1784. Salssummen var 99 rd., og skylda vart vurdert til 1 skinn. Den fyrste me ved visse veit budde her, er då Arne Olson.

Arne Olson Bagn, nedre Bagn bruk IIa, f 1754 d 1784 g 1782 m *Beret Andersdotter Bagn,* Milevatnet 38/4, f 1760. Ved skiftet etter Arne i 1784 var

Søre Leitet. Husa så nær som stabburet til høgre vart brende av tyskarane i 1940.

bruttoeiga 147 rd. og nettoeiga 15 rd. Barn:

1. Andreas f 1783 d 1783.
2. Arne f 1784 mogleg gm Marit Høljesdotter Øyhus, sjå Øyhuseige.

Beret Andersdotter g 2. 1785 m *Ola Knutson Lundatn,* sjå Føss av Koparvike. Dei var brukarar ved odelssaka i 1805.

I 1785 innstemna Ola Knutson Ola Gudbrandson Bagn, den førre verfaren til Beret Andersdotter, for å ha overfalle seg. Dette skulle ha skjedd i setermarka sumaren året før då mange var samla til dans, fortalde eit av vitna, Gullik Jøgerson Bagn. Ola Gudbrandson vart kjend uskuldig for søksmålet.

I 1803 selde Arne Arneson, steson til Ola Knutson, løysingsretten til Leitet til stefaren for 106 rd.

I februar 1805 skøytte Ola bruket til Arne for 500 rd. etter handel som var slutta hausten før. Men alt i mai 1805 selde Arne attende til stefaren, no for 800 rd. I skøytet grunngav Arne salet med at livauret til mora var trykkjande, at stefaren hadde rett til bruken så lenge han fann det for godt, og særleg av den grunn at Ola Knutson hadde bode 300 rd. meir enn han sjølv hadde gjeve.

Nesteldste sonen til Ola Gudbrandson Bagn og bror til Arne Olson som døydde i 1784, Gudbrand Olson i Dølvesbrøta, reiste i 1805 odelssøksmål mot Ola Knutson, og kravde å få løyse

inn bruket. I desember 1805 vart Ola Knutson dømd til å ryddiggjera Leitet mot 800 rd. i løysingspengar, som han sjølv hadde betalt.

Gudbrand Olson vart deretter eigar, men kom neppe til Leitet. For alt i 1806 selde Gudbrand, framleis kalla Dølveseige, for 1300 rd. til *Mikjel Reiarson Bagn*. Med i salet var eit lite skogstykke og ei lita seter.

Mikjel Reiarson Bagn kjøpte i 1809 og -10 det gamle hovudbølet Dølve — Dølve bruk I. Søre Leitet selde han i 1809 for 1200 rd. til den førre brukaren på Dølve, *Arne Olson Dølve* gm *Tora Gudbrandsdotter,* sjå Dølve bruk I om dei. Arne og Tora kom deretter til Dølvesbrenne.

I oktober 1809 fekk Arne Olson søre Leitet skyldsett. Grensene for jord og skog var fastlagde frå «eldgammel tid», heiter det. Jordvegen var svært liten, skog fanst knapt til husbehov, og det var inga seter. Skylda vart sett til 1/2 skinn.

I 1813 selde Arne Olson Dølve for 233 rd. til *Ola Olson Bagn* på Tamburgarde gm *Marit Olsdotter.* Ola Tamburgarden døydde i 1815, og i 1816 vart søre Leitet seld på auksjon. Marit gav høgste bodet, og fekk auksjonsskøyte i 1818 for 3005 rbd.

Marit og den nye mannen hennar, *Ola Hansson Jukam,* sjå Leistrudbakkin 22/10, var deretter brukarar til Ola i 1833 makeskifta mot Leistrudbakkin med Hans Mattisson.

Hans Mattisson Dølve, Dølvesbergatn, f 1785 d 1850 g 1814 m *Eli Olsdotter Leistrud,* Leistrudbakkin 22/10, f 1787 d 1853. I 1837 kjøpte Hans Mattisson store Ølnessetre av Embrek Mikjelson Høve for 100 spd. Barn:

1. Marit f 1815 gm Ola Olson Sørflatdokke.
2. *Mattis* f 1818, neste brukar.
3. Siri f 1822 gm Anders Andersson Lybekk, til Amerika 1852.
4. Sofie f 1825 d 1837.
5. Olea f 1828 gm Arne Olson nørdre Leitet.
6. Marit f 1832 d 1832.

I 1850 selde Eli Olsdotter for 200 spd. til sonen *Mattis Hansson Leitet* f 1818 d 1898 g 1842 m *Guri Hàllvorsdotter Milevatnet* f 1816 d 1898. Mattis var ein særs dyktig snikkar og treskjerar, som m.a. laga stuguklokker, skåp og stolar. I bygda finst framleis mange ting etter han. I Skaro var også ein flink snikkar på denne tida, men ein gong skulle Mattis ha sagt: «E ska telja so fint so Skarosnikkaren høvla!» Barn til Mattis og Guri:

1. Eli f 1842 gm Sjugurd Erikson Dalslie, sjå Hagadokke 29/5.
2. Hans f 1844 d 1930 g 1. 1867 m Marit Johannesdotter Biribakkin f 1842 d 1876 på Leite, g 2. 1879 m *Marit Trondsdotter Slettet,* øvre Slettet 12/3,15, f 1849. Hans Leite budde sist på Leite, der han døydde.
3. Kari f 1850 gm Ole Halvorson Sagbrøtin.
4. Marit f 1852 gm Harald Arneson Øyhus, sjå Lundmoen 50/22.
5. *Halvor* f 1854, neste brukar.
6. Anton f 1856 d 1898, var finsmed.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 8 mål ganske god åker og dyrka eng, 30 mål slåtteland, det kunne hoggast 1 tylft furutømmer, og dei lauva 800 kjerv. I 1865 hadde dei 5 naut, 7

Bryllaupsbilete av Martin Halvorson Leite f 1897 og Marie Andersdotter f Sæteren 1893 i søre Leite. Marie har sydd brurekjolen sjølv. Foto: Arne Lunde.

sauer, 6 geiter, og sådde 1 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

I 1890 selde Mattis for 1200 kr. til sonen *Halvor Mathiasson Leitet* f 1854 d 1919 g 1891 m *Kari Iversdotter Hansebrøtin* f 1867 d 1922. Halvor var ein meister i felespel og springdans. Barn:

1. Gunhild f 1891 gm Emil Edvardsen Mælum, Sør-Odal.
2. Maria f 1896 d 1898.
3. *Martin* f 1897, neste brukar.

Martin Halvorson Leite f 1897, eigar frå 1917, g 1919 m *Marie Andersdotter Sæteren,* søre Tronhussetre 54/5, f 1893. Dei har adoptivsonen *Thorleif Leite* f 1927, eigar frå 1959.

Heime er 19 da. dyrka jord, noko dyrka i seinare tid. Skogen er på 100 da. Namn på jordet er *Sandåker'n, Smiuåker'n, Låveåker'n, Kvee* og *Halle.* Under krigshendingane i 1940 var garden brend. Våningshus, eldhus, låve, fjøs og skåle med alt innbu strauk med, og berre stabburet stod att. Krøtera brann opp, men to hestar som var tekne med på setra, vart berga. Straks etter vart oppsett ei stugu til å bu i, og nytt uthus kom også opp på føresumaren 1940. Våningshus vart bygt sumaren 1943, og dei flytta inn til jol.

Martin Leite hadde ei underleg oppleving med ein soldat i tysk uniform då han kom ned frå åsen for å sjå korleis det stod til heime etter krigshendingane, sjå Årbok for Valdres 1985 s 63 ff.

På setra på Ølnessetro vart nydyrka 18 da. mellom 1930 og -40. Siste sumaren dei var her med krøter, var i 1972. Seterhusa blir bortleigde som feriestad, og vollslåtten er også bortsett.

Sørli bnr. 4

Sørli er eit lite bruk nord for nørdre Leite. Næraste granne er Lindelie i nord, dit det no er veg som går vidare til Øystre Bagn. Før vegen kom gjekk all ferdsel over elva. I flaumtida var *Huhølen* det stillaste vatnet å ro over. Namnet kjem av at her røytte dei huder for garving.

Dei fyrste kjende brukarane i Sørli er *Anton Olson Røang,* nedre Roo

15/2, son til lensmann Røang, f 1825 d 1891 som forpaktar på Tørrhaug i Nord-Aurdal g 1856 m *Anne Eriksdotter Sørflatdalen* f 1832 d 1910 på Brenn i Nord-Aurdal. Anton er kalla husmann, venteleg til søre Leitet, som Sørli vart utskild frå i 1861. Anton kjøpte då Sørli for 50 spd. av Mattis Hansson Leitet. Barn til Anton og Anne på Sørli:

1. Inger f 1857.
2. Ole f 1860.
3. Siri f 1863.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 2 mål skarp åker og dyrka eng, 10 mål ganske godt slåtteland, og hamninga var ikkje tilstrekkeleg. I 1865 hadde dei 2 naut, 5 sauer, 5 geiter, og sådde 1 1/4 tønne bygg og 2 tønner poteter.

Anton Røang selde i 1863 for 50 spd. til *Ola Olson,* men var framleis brukar i 1865.

I 1866 selde Ola Olson for 100 spd. til *Hallvor Alvson Tronrud* gm *Beret Andersdotter Smedsrud,* sjå nedre Koparvike 50/4. Hallvor åtte nedre Koparvike 1856—67. Dei flytta til Sørli, der Hallvor døydde i 1869.

I 1870 selde Beret Andersdotter for 100 spd. til *Erik Sevatson* frå Ål i Hallingdal f 1823 d 1901 g 1870 m *Tora Eriksdotter Sørflatdalen* f 1843. Barn:

1. Ole f 1871 d 1894. Ole var då vegarbeidar, og omkom ved ei mineringsulykke ved Klubbeberget i Hølera.
2. Berit f 1873 gm Ole Olson Gladhaug.
3. Erik f 1876 d 1905.
4. *Syver* f 1879, neste brukar.

I 1895 selde Erik for 600 kr. til sonen *Syver Erikson Sørli* f 1879 d 1955. Det var skrint jordsmonn med sandjord på Sørli, og Syver la mose i botnen av plogfurene når han pløgde for at jorda skulle halde på råmen. Syver Sørli dreiv også med skinnhandel. Han reiste ikring med hest og kjøpte opp skinn. På Langsetren på Veståse, utskild frå nørdre Vøll i 1877 og kjøpt same år til Sørli, dyrka Syver opp 35—40 da. Til då hadde ingen dyrka så mykje på åsen. Syver hadde hest og fire kyr. Sørli hadde lite skog, men Syver kjøpte eit skogstykke, nedre Moateigen gnr. 39 bnr. 35.

Tyskarane brende våningshuset 19. april. Syver, hunden og hesten budde då i lag i stabburet til nytt hus vart bygt.

Etter at Syver døydde i 1955, vart systersønene Arne og Bjarne Gladhaug eigarar. No har Sørli stått øyde og ubrukt i mange år. Langsetre har vore brukt av ein annan systerson, Einar Gladhaug.

Lønnum bnr. 5

På sørsida av Milevatne ligg den no nedlagde heimen Lønnum. Hit kom *Ola Arneson* — «Ola Skogstad» — og kona *Siri Høljesdotter Joplassen,* sjå Skogstad under Vilhelmsbrøtin 40/3, fyrst i 1890-åra. Dei sette opp ei stugu og grov potetåker.

I 1897 vart staden utskild frå skog som tidlegare var frådelt Leite, og seld same år for 200 kr. av Reier Skarasetre til Anders Lønnum. Ola og Siri fekk fyrst flytja stugu si ut på ein odde. Deretter vart ho flytta til ein stad nedafor Vilhelmsbrøta eller Plassen, kalla Skogstad.

Anders Olson Lønnum f 1845 og den andre kona hans, Olea Olsdotter Bakkom f 1859. Bak står mogleg redaktør Hovi i avisa «Valdres», som var god ven med Anders. Biletet kan vera teke utanfor «Valdres» mellom 1916 og -20.

Anders Lønnum kjøpte 12 mål, fortel Olaus Islandsmoen i Valdres 9.11.1912. Her dyrka han 4 mål, mykje av det hage, og bygde to pene stuguhus og fjøs. To bjørketre kalla han «Aasmund Vinje» og «Wedel Jarlsberg», og ei lønn fekk namnet «Henrik Wergeland».

Anders Lønnum, eller *Anders Olson nørdre Langedragslie* f 1845 d 1928 g 1. 1867 m *Gunhild Aslaksdotter Haugsrudeige,* Lia under Tollevsrud, f 1828 d 1908. Anders g 2. 1909 m *Olea Olsdotter Bakkom,* Skåne i Begnadalen, f 1859 d 1947. Anders og Gunhild hadde tidlegare budd på ein stad Anders kalla Lønnum på nørde Langøydgarde, seinare bygde dei Aspelheim ved Sveitn, og skal etter Valdres 1.7.1922 ha sett opp nok ein bustad før dei kom til Lønnum ved Milevatnet som den fjerde heimen sin.

Anders Lønnum var postbod på Leirskoge i 26 år fram til 1922. I dei ni fyrste åra var Bagn utgangspunkt for postruta, deretter Bruflat i fire år og dei siste 13 åra Etna jarnbanestasjon. Leirskogingane kan sikkert takke Anders Lønnum for at dei fekk postkontoret sitt på Etna. Før han tok til i posttenesta, hadde Anders Lønnum vore både snikkar og fotograf. I 1882—83 var han i Amerika og snikra. (Valdres 1.7.1922.)

Men særleg er det nok som forteljar ettertida minnast Anders Lønnum. Han kjende seg i slekt med folket og bygda, seier Olaus Islandsmoen i minneord i Valdres 5.5.1928. Han heldt av desse gamle som vart borte, men som han visste hadde stridt livet både i medgang og motgang. Han hadde det særmerkte draget som me finn i gamal norsk forteljarkunst, at han levde med i det han fortalde. Difor vart det levande skildring — sjå t.d. under Brubakkin om barndomsminnet frå 1861 og det varme portrettet av folka i Brubakka.

Om sumrane leigde Anders bort husvære til folk frå byen. Kabaretsongaren Jens Hetland fekk i 1915 byggje seg ei hytte på jordet, kalla «Jensens Hvile», etter fyrst å ha feriert på Lønnum nokre år. I 1917 kjøpte han tomt av Anders ute på odden til ei ny hytte, men fekk berre byrja på muren. I 1926, etter sal i 1921, skøytte han tomta til restauratør Sigurd Paulsen frå

Anders Lønnum f 1845 d 1928 minnast nok fyrst og fremst som forteljaren av bygdesoge. Han var den fyrste som i nokon større monn skreiv ned noko frå og om det gamle i vår bygd, seier Olaus Islandsmoen i eit minneord i 1928, og for det er me honom stor takk skuldig. «Når ein gong bygdesoga for Sør-Aurdal vert skriven frå vår tid, då vil dei vakre, skynsame stykka av Anders Lønnum høyra til det mest verdfulle.» Så langt det gjeld «Gard og bygd i Sør-Aurdal», har denne vurderinga av Anders Lønnum som kjelde vore rett.

Oslo. Sigurd Paulsen fekk utvida tomta med eit areal utskilt frå Lønnum i 1924, og bygde også veg fram. Her ved vatnet vart bygt ei stor tømmerhytte, Lønnumseter, frå 1922.

Etter 1928, medan Olea brukte Lønnum åleine, fekk ho sett opp ei ny «Oppistugu» og eit nytt fjøs.

I 1944 selde Olea til sonen *Georg Søreid* f 1903, som hadde vore pleieson hjå Sigrid og Halstein Søreid i Kambabygden, g 1935 m *Inga Nilsdotter Komperud* f 1909. Georg Søreid var postbod på Leirskoge, seinare slått saman med Øystre Bagn distrikt, frå 1929 til 1973. Sønene er eigarar frå 1975:

1. Oddvar f 1935.
2. Thorleif f 1944 gm Britt Ness, busette i Sogndal.

Hølera

Hølera omfattar busetnaden frå Koparviken og sørover til Garthus-grensa. Hit høyrer også gardane i Seterbygden og Åsebygden oppe i åsen i vest. Sør for Koparviken vidar dalen seg ut med ei langstrakt elveslette i botnen på vestsida av Begna. På denne sletta ligg gardane Ølmhus og Øyhus, og lengst i nord ei samling av småbruk og bustadhus, kalla «Briskebyen».

Det er elva Hølera, som renn frå åsen i vest, som har gjeve krinsen namn. Elva har store hølar, og namnet kjem nok av dei. I eldre tid kan namnet ha vore *Hylja,* ei avleiing av gamalnorsk *hylr* m., høl, kulp. Hølervatnet kan ha heitt *Hylir,* laga til elvenamnet.

I Hølerun vart det fløytt tømmer i lang tid. I ei rettssak i 1734 (bd. A s 475) som Aslak Hallvorson Brattrud hadde reist, blir det opplyst at Bjørn (Hallsteinson) Høve var den fyrste som fløytte tømmer i Hølerun — venteleg frå om lag 1700. Av andre saker går det fram at i dette tidsrommet, åra kring 1700, tok dei til å hogge i åsmarker der det før ikkje var hogge, som fylgje av aukande etterspurnad etter tømmer. Vasskrafta i Hølerun har også drive mølle, sag og laga straum, sjå bilettekst.

Eit kjent stadnamn i Hølera er eit minne om brøtningstida. I Begna nord for Fønnhus, mellom bratte bergveggar, er ein djup høl kalla *Fløtahølen.* Her drukna seks brøtningskarar i 1840. Elva var stor, og båten dei var i støytte mot ein stein i fossetryket like opp for Fløtahøle og kantra.

Fire av gardane i dalbotnen i Hølera har ordet *hus* som etterlekk: Øyhus, Ølmhus, Tronhus og Fønnhus. Hus må her oppfattast med same tyding som gard. Samansette gardsnamn på -hus kan ofte fortelja om utvikling ut frå eit felles opphav ved deling av ein større gard i fleire mindre. Norske Gaardnavne held det rimeleg at ei slik garddeling ligg til grunn i dette tilfellet. Ettersom fyrstelekken i Fønnhus sannsynlegvis er adjektivet *forn,* gamal, tenkjer ein seg at det var her dei eldste husa stod. Fønnhus er i 1595 skriven «Fodnehuus». Det speglar vel att den tradisjonelle uttalen *fødnhus.* I dialekta blir lyden *rn* uttala *dn,* t.d. som i mannsnamnet Bjørn — *bjødn.*

Saga til Ølmhus i Høleraføsse i 1920-åra. Saga var oppsett av O.M. Øvergaard, og stod til det vart bygt kraftstasjon, eit likestraumsanlegg, i fossen ved Hagin i 1926. Dammen til kraftstasjonen vart bygd der saga stod. Seinare kom Olmhusfallet Kraftverk lengre ned. O.M. Øvergaard bygde dessutan ei bygdemølle nedafor saga, og folk i Dølve og Hølera kom hit for å få male korn. Mølla i Høleraføsse stod også til 1920-åra. Rett ovafor saga låg ein dam for å skaffe vatn.

Før det kom bruer over Begna — Langedragsbrue, Fønnhusbrue og Eidsbrue — måtte dei på austsida ta seg over elva til vestsida med båt eller på isen. Ved Fønnhus laga dei isbru om vinteren ved å «høgge floke», ein framgangsmåte nytta fleire stader i Sør-Aurdal, t.d. ved Leitegardane: Etter det eine landet hogg eller skar dei laus eit stort isflak, «floken», så langt at det godt og vel kunne rekkja over elva, 4—6 m breitt og minst 10 cm tjukt. I ytste enden slo dei en sterk pæl, og skauv den øvre enden ut i elva. Straumen svinga då floken rundt til han tok land på andre sida. Slik låg flaket frå land til land og danna ei isbru. Ein vellykka floke skulle stå i ca. 45 graders vinkel over elva. Etter ei natt kunne ein gå over floken om det var kaldt nok, minus 15 grader eller kaldare, og etter to-tre døgn kunne ein køyre med hest og lass. For å forsterke endane, vart det brukt å ause opp vatn som fraus til oppå isen. Vatn som dreiv

inn over isflaket, gjorde isbrua endå sterkare. Det laut vera ein tre-fire karar til arbeidet med å «høgge floke».

For gardane oppe i åsen i vest, med til dels lange avstandar ned til dalbotnen, har spørsmålet om veg vore viktig. Til Åsen gjekk den eldste vegen frå Tronhus gjennom Tronhusdalen om Hansebrøtin, Haugen, Ivarsbrøtin og fram til garden på austsida av Åsemyro. Det gjekk òg ein veg frå Trulsebråtån, nord for Garthus, gjennom Hauga, om Nybrøtin, Moen, Sveinsbrøtin, opp gjennom Brynsdalen og fram til garden. Kring 1860 fekk Arne Olson Åsen arbeidd ein kjerreveg etter same leia, men vegen vart dårleg vedlikehalden og ikkje farbar med hjulreiskap kring 1900. Om lag 1880 vart bygt ein privat veg frå Åse til Lundby. I 1923 var den nedre delen av vegen omlagd frå Storsvinge til Hølera bru, men vegen var lite skikka for biltrafikk.

Etter krigen vart sett i gang arbeid med vegen Garthus—Åsen—Hølera bru og Lundebygdvegen. Båe skulle vera fylkesvegar. I 1953 var strekninga Garthus—Åsen ferdigbygd og Lundebygdvegen grovarbeidd. Siste delen av vegen Garthus—Åsen—Hølera bru, mellom Hansebrøtin og Åsen, stod ferdig i 1965. På austsida av dalen var

Elgfall ved Bergføss i Hølerun i 1932. Kristian A. Fønhus med børse, ved sida av Kristoffer A. Lundene. Olaf Øilund var også med på jaktlaget. Elgposten ved Bergføss var ein kjend og ettertrakta post.

Storsvee. I brukartida til Ola Embrekson f 1826 var det skysstasjon på Storsveen. Sønene var skyssgutar. Det kunne vera hardt nok og ikkje minst kaldt om vinteren. Om sumaren var det mykje nattkøyring. Turistane frå nord kom gjerne til Storsvee om kvelden, og då var det å køyre vidare dei 22 km til Sørum og dampbåten der. I nord var det skysskifte i Bagn, men skyssturane kunne også bli lengre. Sumarstid fór det ofte engelskmenn gjennom dalen, som kunne stane opp ein dag eller to for å klatre i fjellsidene. Særleg likte dei seg når dei kom opp i Gaupeskare, den smale og djupe kløfta sør for Tronhusknatte.

Skarovegen ferdig i 1982. Den er bygd som skogsbilveg, og gjev samband mellom Leirskogen og Hølera frå vegen ved Granum.

I ei inngjerda kve på Storsveen overnatta ofte driftekarar når dei på haustparten kom med krøterdrifter ovafrå dalen på veg utover til flatbygdene og byane. Det var også hestedrifter, sauedrifter og til og med grisedrifter. Bygdefolk møtte gjerne opp for å sjå og kan hende gjera ein handel, og til langt på kveld vart det liv og røre, latter og akkordering. På Tordebrøta var det òg ei slik kve, kalla *Driftekvee*. På Storsveen var det skyssstasjon ei tid, sjå bilettekst.

Åsen, Eid og båe Fønnhusgardane bygde i 1911 Langevassbekkens Elektrisitetsverk saman. Det var eit likestraumsanlegg, og spenninga var dårleg med dei lange overføringslinene. Men alle tykte likevel det var eit stort framsteg.

Øyhus

Gamalt matrikkelnr. 177. Gamal skyld for Øyhus var 3 skinn. Noko seinare kom Lundatn i tillegg med ei skyld av 3 skinn, i alt 6 skinn, i 1744 auka med 1 lispund tunge.
***1838:* Nytt matrikkelnr. 47, skyld 11 dalar 4 ort 9 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 50, skyld 35 mark 50 øyre.**

På den langstrakte, opne elvesletta nord for utløpet av Hølera ligg dei to hus-gardane Øyhus og Ølmhus. Av desse er Øyhus den nørdste. Øyhus har jordsmonn i hovudsak av tørkesvak sandjord, men mot vest er felt av feitare mold og leire. Fyrstelekken Øy- i gardsnamnet er kan hende ordet *øy* f., ei flat strekning med frodig vekst langs vatn. Sjå grendeoversynet om Hølera om sistelekken -hus.

Øyhus grensar i aust mot Begna, går i nordaust opp dalen til Dølve, der Islandselve er dele lengst aust, har i sør dele mot Ølmhus, og strekkjer seg i vest opp dalsida og innover åsen. I 1755 inngjekk Ola søre Øyhus og Ola Ølmhus kontrakt om delet mellom heimrastene. Nørdre og søre Øyhus, Øylund og Ølmhus har privatsameiga Føldokkskogen, som strekkjer seg frå Dyngebekke ved Fautmyre til Hølersetre.

Etter namn og lægje er Øyhus rimelegvis rydda i gamalnorsk tid. Kring 1650 vart garden på nytt teken i bruk etter øydeåra, og skattemessig klassifisert i den lægste skatteklassa som rydningsplass.

Tiende *1661:* 1/8 tønne bygg, 1/2 setting rug. Matrikkel *1723:* Øyhus med underliggjande Lundatn har skog til husbehov, sagtømmerskogen er uthoggen, men kan med tida vekse til, på setra får ein 3—4 lass høy. To husmenn. Jorda er skarplendt og dels tungbrukt. Skyldsetjing 1744: På Øyhus var det to oppsitjarar og i Lundo to. Kvar brukte 1 1/2 skinn, og partane vart vurderte til å vera av like stor verdi. Til saman sådde dei 7 1/2 tønner bygg og havre, hadde 20 kyr og ungdyr, 24 småkrøter, og kvar hadde ein hest. Sagtømmerskog fanst ikkje. Åkerarealet var til saman omtrent 27 mål, ein del på steinut grunn med raudaur, ein del på god moldjord. Enga var stor, men størsteparten var både mager, grunnlendt og på sandjord, slik at høyavlinga var heller lita. Til gardane høyrde ein mindre skog, der det korkje fanst vokstertre eller sagtømmerlast. Retten fann å kunne auke skylda berre med 1 lispund. Matrikkel *1761:* Tre husmenn, kan hogge 4 tylfter sagtømmer. Pengar til skattar og utgifter kjem i fyrste rekkje frå jorda. Matrikkel *1782:* Seks husmannsplassar.

Frå 1681 var det to bruk på Øyhus, som hadde same eigar frå 1719 til -24. Sidan har garden vore delt i nørdre og søre Øyhus, truleg dei same partane som etter delinga i 1681. Den store Øyhuseigedomen gav etter kvart plass for mange nye heimar, slik at talet på bruksnummer no er stort. Veksten skjedde særleg på tre område: I Koparviken i dalbotnen lengst i nord, oppe i åsen lengre sør, i det som no heiter Lundebygde, og på flata nord for Øyhus. Den sistnemnde staden har i nyare tid, etter 1900, utvikla seg til eit sam-

På moen nord for Øyhus ligg «Briskebyen», ei samling av småbruk og bustader. Fotografiet er frå 1959.

anhengande felt med bustader og småbruk, kalla «Briskebyen».

Frå *nørdre Øyhus* bnr. 14 vart Lundmoen bnr. 22 og Smedmoen bnr. 23 utskilde i 1899. Flatmoen bnr. 33 vart utskild frå Lundmoe i 1936, og Smedlund bnr. 24 og Nymoen bnr. 25 frå Smedmoe i 1924. Øylo bnr. 31 vart utskild frå nørdre Øyhus i 1928, og Sveriplassen bnr. 32 i 1933. Frå teigen Føssvang bnr. 28, utskild frå nørdre Øyhus i 1917, er bruket Øymoen bnr. 35 og fleire bustadtomter utskilde.

Frå *søre Øyhus* vart plassen Snuggen bnr. 17 utskild i 1846.

I *Lundo* var det busetnad frå sist i 1600-åra, og frå 1720-talet kan me skilja mellom nørdre og søre Lundatn. Frå nørdre Lundo bnr. 11 vart Nilsebøle bnr. 13 utskild i 1803. Ein part av Nilsebøle, Berglund bnr. 20, var utskild i 1892, men gjekk få år etter attende til Nilsebøle. Lundelie bnr. 12 vart utskild frå nørdre Lundo i 1844, og Tronsplassen bnr. 26 i 1905. Frå søre Lundo bnr. 8 vart i 1842 utskilt eit areal som saman med ein part frå nørdre Øyhus, fråseld i 1834, vart Øylund bnr. 9. Øvre Lundatn bnr. 10 vart utskild frå søre Lundo i 1842, og Olsonplassen, med nytt namn Søreng, bnr. 30, i 1921.

Koparvike er samansett med ein del frå søre og ein del frå nørdre Lundo. Det fyrste salet var i 1747 frå søre Lundo. I 1815 kjøpte brukaren i Koparviken bruket Føss, der det hadde vore folk om lag sidan midten av 1700-talet. Føss har seinare høyrt til Koparvike. I 1832 vart plassen Brenne eller søre Brenne utskild. Ved delekontrakt i 1835 vart Koparvike delt i to like delar,

øvre Koparvike bnr. 1 og nedre Koparvike bnr. 4. Frå nedre Koparviken vart midtre Koparvike bnr. 5 utskild i 1864.

Setrar 1935, med avstand heimanfrå: Nørdre Koparvike bnr. 1: Store Bukfyll, 9,5 km. Søre Koparvike bnr. 4: Store Bukfyll, 9,5 km. Søre Koparvike bnr. 5: Brattrudsetre, 10 km. Søre Lundatn bnr. 8: Brøtasetre, 11,5 km. Nørdre Lundatn bnr. 11: Svartsetre, 5 km. Øylund bnr. 9: Rødningen, 15 km. Øvre Lundatn bnr. 10: Veneslette, 12 km. Nørdre Øyhus bnr. 14: Fløtesetre, 11 km. Søre Øyhus bnr. 15: Tanterhaug, 9 km.

Av husmannsplassane under Øyhus vart Smedmoen i dalbotnen utskild i 1899. Sveriplassen oppe i skogen vart sjølveigarbruk i 1933. Klypa under nørdre Øyhus, fråseld i 1834, gjekk inn i Øylund. Snuggen under søre Øyhus vart fråseld i 1846, og Liatn og Kølplassen vart nedlagde. Av plassane under Lundo var Bøle eller Nilsebøle oppteken seinast kring 1800. Lundelie, utskild i 1844, er kjend som husmannsplass alt frå fyrste del av 1700-talet, og Tronsplassen, utskild i 1844, frå noko etter midten av same hundreåret. I Olsonplasse, utskild frå søre Lundo i 1921, har iallfall budd folk frå andre halvdel av 1700-talet. Lundehalle låg i 1840- og -50-åra under søre og øvre Lundo, men er ikkje nemnd meir. Under Koparviken låg Brenne, skyldsett i 1832.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	8	39	47

	Bonde-folk	Teneste-folk	Husmanns-folk	Handverks-folk	Arbeids-folk	Fattig-folk	Andre	
1782	20	10	25		1	1	7	64
1801	40	1	37		3			80
1865	84	5	25	6		4		124
1900	90	2	16				4	112

Husdyrhald, utsæd og avling 1657—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1657	1	9	10			
1723	2	17	10	4 1/4		
1761	5	39	70	12	49 3/5	56 lass
1782	5	29	56	12	54	92 lass
1866	7	66	126	36 1/4	203 1/2	481 skpd.
				korn		
				52	286	
				poteter		

Eigarar

Øyhus har vore i bondeeige så langt attende me veit.

Bruk, husmannsplassar og bustadhus

I ei åstadsak på Fønnhus i 1694 er *Bjørn Øyhus* nemnd som den yngste av sønene til Arne Dølve, eller Arne Bjørnson. Bjørn Øyhus er fyrste gong oppført i odelskattelista i 1650, og åtte 3 skinn i Øyhus. Øyhus må ha vore odelseigedom til anten Arne Dølve eller kona hans. Sonen Bjørn fekk garden, og kom til Øyhus i 1650 eller rett før. I eit vitneprov i 1717 blir det opplyst at Bjørn Arneson rydda opp Øyhus og brukte garden så lenge han levde som odelen sin. Bjørn var såleis den fyrste rydningsmannen etter den lange øydetida.

Bjørn Arneson Øyhus, Dølve, f ca. 1624 d ca.1691 — han var død for 26 år sidan seier eit vitne i 1717. I den førnemnde saka på Fønnhus i 1694 heiter det at Bjørn Øyhus hadde fire barn:

1. *Ola* f ca. 1649 gm Beret Nilsdotter, sjå Øyhus bruk II.
2. *Arne* f ca. 1654 gm Guro Torgrimsdotter. Arne hadde Øyhus bruk I ei tid, og makeskifta deretter til seg Eid, sjå der.
3. Ragnhild f ca. 1656 gm Hølje Bjørnson Brattrud, sjå nørdre Brattrud.
4. Siri f ca. 1663 gm Jørgen Olson «Lier», venteleg frå søre Fønnhus, sjå der.

Bjørn Arneson overlet halve Øyhus eller 1 1/2 skinn, bruk II, til eldste sonen Ola. Det skjedde for om lag 36 år sidan, opplyste Kjell Olson Fønnhus i eit vitneprov i februar 1717, dvs. om lag 1681. Deretter brukte Bjørn den andre halvdelen, bruk I, i seks år. Då tok han den yngre sonen Arne inn på garden for å hjelpe seg og for å få underhald i alderdomen. Det var også Arne som kosta gravferda til faren, fortalde Kjell Fønnhus.

Øyhus bruk I

Etter vitneprovet i 1717 tok *Arne Bjørnson* f ca. 1654 til med å bruke denne parten saman med faren om lag 1687.

I 1699 selde mennene til systrene til Ola og Arne Bjørnsøner, Hølje Bjørnson Brattrud og Jørgen Olson «Lier», arveretten til båe partane av Øyhus på vegner av konene sine for 32 rd.

Hausten 1701 makeskifta Arne Bjørnson parten sin i Øyhus av skyld 1 1/2 skinn mot Eid av skyld 2 skinn med Sjugurd Erikson Eid. Arne flytta deretter til Eid, medan *Sjugurd Erikson* kom til Øyhus. Sjugurd Erikson, som var gm *Beret Olsdotter*, overtok seinare ein part i nedre Bagn, sjå nedre Bagn bruk I. I 1699 hadde Sjugurd Erikson også overteke den andre delen av Øyhus, og åtte heile garden til son til Ola Bjørnson, Bjørn Olson, vart tildømd innløysingsrett til bruk I i 1716. Bruk II åtte Sjugurd til 1719.

I 1709 var Sjugurd Øyhus klaga for å ha hogge for mykje i sameigeskogen mot Storøydgarde. Det vart prova at han ikkje hadde avvirka meir enn lotten hans gav rett til, og han vart frikjend.

Sjugurd Erikson ser ut til å ha vore ein tiltaksam bonde den tida han brukte Øyhus. Han sette i gong med å rydde fleire stader i utmarka, blir det opplyst i vitneprov i saka om Øyhus og Lundatn. Han rydda i Lundo, på engeslettet Koparvike, og rydda Rennebrøtin og Moen til engeslette.

Øyhus bruk II

Ola Bjørnson f ca. 1649 d ca. 1699 var eldste son til Bjørn Arneson Øyhus, og fekk denne halvdelen av faren om lag 1681. Ved skiftet etter Ola i mars 1700 var bruttoeiga 163 rd. og nettoeiga 17 rd. Kona hans heitte *Beret Nilsdotter*. Fem umyndige barn vart farlause då Ola døydde, men fleire barn var døde før:

1. Anders f ca. 1684, i 1708 kalla Anders Olson Skårud, var lensmann i Ådalen.
2. *Bjørn* f ca. 1686, neste brukar.
3. *Nils* f ca. 1689 budde på Øyhus ei tid. Her hadde han barna Ola f 1718, Siri f 1723, Beret f 1726 og Kjersti f 1729.
4. Kristafer f ca. 1692 gm Kari Gudmundsdotter, sjå nørdre Øyhus 50/14.
5. Siri f 1695 d 1695.
6. Beret f 1696 d 1699.
7. Ola f 1697 g 1. m Jøren Olsdotter, sjå søre Øyhus 50/15, g 2. m Ingrid Amundsdotter Flaten, sjå under Jøranby.

Ved skiftet i mars 1700 var Ola Bjørnson skuldig ein stor sum, opphavleg 151 rd., no 144 rd., til Sjugurd Erikson. Beret Nilsdotter, enkje etter Ola, og Sjugurd Erikson vart då einige om at Sjugurd same vår skulle overta bruken av Øyhus som vederlag for pengane sine. Beret fekk bruke eitt mål åker, som ho sjølv skulle dyrke, i levetida si, og hauste så mykje eng som ho trong for å fø ei ku og ein sau. I juli 1700 kom dei fram til ei anna ordning, som Beret hadde bede om. I staden for retten til åker og eng i Øyhus skulle ho få bygsle 2 skinn i øvre Storøydgarde, som Sjugurd Erikson også åtte, for levetida si.

Då sønene etter avlidne Ola Bjørnson vart vaksne, ville dei ha garden att til slekta frå Sjugurd Erikson. Også den andre halvdelen av Øyhus samt Lundatn vart trekt inn, og striden gjekk over meir enn ti år. Drivkraft var den nesteldste sonen Bjørn. Den eldste, Anders, overdrog derimot odels- og løysingsretten sin i 1708 til brørne Bjørn og Nils, og selde odels- og åsetesretten i 1715 til Bjørn for 36 rd.

I 1709 stemna Nils og Bjørn Olsøner Øyhus Sjugurd Erikson til å prove med kva rett han brukte odelsgarden etter far deira. Sjugurd var viljug til å avstå denne halvdelen av Øyhus når han fekk att for kostnaden sin, og det vart fastsett å halde takst. Det skjedde seinast i 1715, for då klaga Ola Ølmhus over at han ikkje hadde fått att dei 160 rd. som han hadde betalt Sjugurd Erikson på vegner av Bjørn Olson.

Til sumartinget i juni 1716 stemna Kristafer Olson Øyhus, på vegner av broren Bjørn, Sjugurd Erikson Bagn fordi Sjugurd ikkje ville avstå Øyhus og Lundatn til Bjørn. Bjørn kunne sjølv ikkje møte av di han var i teneste som soldat — ein av dei mange bondesoldatane utkommanderte ved mobiliseringane under Den store nordiske krig 1709—20. Soldat var Bjørn også

ved ei ny runde i saka i februar 1717. Sjugurd nekta ikkje for at Bjørn hadde odelsrett til halvdelen av Øyhus etter far sin, men hevda at odelsretten til den andre halvparten — bruk I — hadde farbror til Bjørn, Arne Bjørnson, hatt. Men domen gav Bjørn rett både til å løyse inn Øyhus og den underliggjande plassen Lundatn. Etter handsaming på lagtinget og i overhoffretten, fekk striden ei minneleg løysing fyrst i 1719.

Bjørn Olson Øyhus f ca. 1686 g 1712 m *Ingrid Mikjelsdotter Tronhus,* oppgjevne å vera «nestsøskenbarn». Bjørn er nok den Bjørn Olson Koparvike som er nemnd i ei sak i 1738. Barn:

1. Siri f 1712 d 1712.
2. Ola f 1715.
3. Ola f 1718, det var rimelegvis denne yngste Ola som gifta seg med Gudbjørg Bjørnsdotter Steinsrud, sjå under Piltingsrud.
4. Anne f 1722 gm Knut Gudbrandson Dølve, sjå Dølve, ukjend bustad.
5. Mikjel f 1724.
6. Bjørn f 1727.
7. Ola f 1732.

Sjugurd Erikson godtok ikkje underrettsdomen i juni 1716 om halve Øyhus og Lundatn. Det var ikkje rett at Bjørn Olson kunne gjera odelskrav på den parten Arne Bjørnson hadde åtte etter far sin. Sjugurd hevda også å ha gjort så mykje arbeid i Lundo at plassen ikkje kunne takast ifrå han. På vintertinget i februar 1717 førte han vitne for synet sitt, og fekk tingsvitne før saka gjekk til lagtinget. Domen på lagtinget fall i juni 1717, og no vann Sjugurd. Makeskiftet mellom Sjugurd Erikson og Arne Bjørnson om Eid og Øyhus i 1701 hadde skjedd odel mot odel, slik at Bjørn Olson ikkje hadde noko rettmessig krav.

Til hausttinget i november 1717 hadde Sjugurd Erikson og Bjørn Olson med broren Kristafer innstemna kvarandre på nytt. Sjugurd hevda at Øyhus-brørne ulovleg hadde teke seg til å bruke halve Øyhus og Lundatn, to seterslåttar under Øyhus og ei seter under Bagn. Bjørn og Kristafer viste til at Sjugurd ikkje hadde vilja bruke noko i Øyhus og Lundo sidan underettsdomen i 1716, slik at dei måtte overta for at jorda ikkje skulle liggje ubrukt. Dei hadde også svara kongelege skattar og utreisler. Setra under Bagn, Bukfyllsetre, høyrde slett ikkje under Bagn, men under Øyhus, sa brørne. Det fall ikkje dom i saka, fordi Bjørn og Kristafer hadde appellert lagtingsdomen inn for overhoffretten. Bjørn og Kristafer hadde på si side innstemna Sjugurd for å høyre vitneprov om odelsretten til Øyhus, og fekk tingsvitne til å leggje fram for overhoffretten på Akershus.

I mars 1718 vart saka avgjort i overhoffretten, med same resultat som i lagtinget. Loven gav høve til makeskifte odel mot odel, slik Sjugurd Erikson og Arne Bjørnson hadde gjort, og difor kunne gardbytet ikkje påankast av Bjørn Olson Øyhus. Lundatn høyrde frå gamalt inn under Øyhus, var det prova, og skulle brukast likt av båe halvpartane av Øyhus. Bjørn Olson skulle betala Sjugurd Erikson halvdelen av kostnadene Sjugurd hadde brukt til rydding og husbygging i Lundo. Bjørn skulle også betala Sjugurd 40 rd. i sakskostnad.

I januar 1719 inngjekk Bjørn Olson og Sjugurd Erikson Bagn ei avtale om Øyhus og Lundatn. I staden for å dele eigedomane, slik lagtingsdomen fastsette, vart Sjugurd Bagn eigar av Lundatn og Bjørn Olson av Øyhus. Grensa mellom Øyhus og Lundo vart også opptrukken. Sjugurd plikta å gje Bjørn bygselsetel på Lundatn på livstid, og Bjørn betalde 70 rd. til Sjugurd for å spara vidare prosess. Bjørn kun-

ne rydde så mykje i Lundo som han ville, men hadde ikkje krav på erstatning for arbeidet.

I 1723 selde Bjørn Olson plassen øvre Lundatn til broren Ola Olson. I 1724 selde Bjørn halve Øyhus, eller søre Øyhus, med underliggjande Lundatn til Anders Arneson Bagn. Bjørn Olson må ha overteke søre Øyhus på nytt, og er seinare nemnd både som Bjørn Olson Øyhus og Bjørn Olson Lundatn. Mogleg er han identisk med den *Bjørn Olson Lundatn* som i 1757 fekk dottera Marit med *Guri Olsdotter.*

Nørdre Øyhus bnr. 14

I 1726 selde Bjørn Olson Øyhus denne halvdelen av skyld 1 1/2 skinn til broren *Kristafer Olson* f ca. 1692 d 1770 g 1723 m *Kari Gudmundsdotter Skinnrud* f 1695 d 1762. Kristafer fekk i 1716 sonen Ola med Siri Arnesdotter, som heldt til i Åse. Barn til Kristafer og Kari:

1. *Ola* f 1724, neste brukar. Anten denne eldste Ola eller bror hans fekk i 1751 tvillingane Mikjel og Guri med Anne Arnesdotter. I 1739 fekk ein Ola Kristaferson dottera Gunhild med Guro Andersdotter.
2. Ola f 1727 gm Ingrid Arnesdotter, sjå Lundoeige.
3. Ragnhild f 1733 g 1. m Ola Simenson Skaratn, g 2. m Lars Person Tronrud, sjå båe gonger søre Lundatn.

Tingbøkene nemner fleire stader strid om tømmerhogst og tømmerhandel. I 1734 hadde Aslak Brattrud innstemna Ola og Kristafer Øyhus for å kjøpe sagtømmer til Kristiania-firmaet Collett & Leuch fra felles mark. Året etter stemna Harald Ellingson nørdre Lie og Sjugurd Bøen Kristafer Øyhus og Knut Lundatn for å ha fløytt tømmer i Hølerun og nytta dammar til saksøkjarane.

I 1756 selde Kristafer Olson Øyhus garden for 200 rd. til eldste sonen *Ola Kristaferson* f 1724 d 1762 g 1751 m *Jøren Olsdotter Ve,* Flå i Hallingdal, f ca. 1712 d 1770. Av ein eller annan grunn vart det skrive eit nytt skøyte i 1759, no på 180 rd. Det var kan hende denne Ola Kristaferson Øyhus som i 1741 som soldat og etter kongeleg løyve gifta seg med Guro Embreksdotter, som var enkje. Barn til Ola og Jøren:

1. *Kari* f 1758, neste brukar.
2. Ragnhild f 1760 gm Lars Olson Steinsetre.

Jøren Olsdotter g 2. 1765 m *Erik Arneson Tronhus,* Klauvstad, f 1743. Erik Arneson g 2. 1772 m *Kari Jakobsdotter Storøydgarden,* Storøydgardseige, f 1729 d 1791. Erik overlet Øyhus til verdottera Kari Olsdotter og mannen hennar, Arne Olson Ølmhus. Men han og den nye kona Kari Jakobsdotter budde rimelegvis framleis på Øyhus, for Kari var kalla hustru til Erik Arneson Øyhus ved gravferda i 1791. Kan hende er Erik den Erik Arneson som seinare budde på ein plass under Nerby og var gift for tredje gong, med Marit Hallvorsdotter.

Arne Olson Ølmhus f 1746 d 1817 g 1772 m *Kari Olsdotter Øyhus* f 1758 d 1837. Ved skiftet etter Arne i 1817 var bruttoeiga 1594 spd. og nettoeiga 1510 spd., ein stor formue. Barn:

Nørdre Øyhus i forgrunnen med Langedrag bak. Frå 1960-åra.

1. Ola f 1775 d 1818.
2. Ola f 1778 gm Siri Olsdotter Tronhus, sjå Hansebrøtin 54/7.
3. Steingrim f ca. 1779 d 1804.
4. Marit f 1783 gm Erik Olson Koparvike.
5. Jøren f 1785, sjå Nilsebøle 50/13, gm Hallstein Larsson Garthushaugen.
6. *Kristafer* f 1788, neste brukar.
7. Kari f 1791 gm Lars Larsson Garthushaugen, sjå Lybekk 65/4. I 1820 fekk Kari sonen Anders med Anders Asleson «Oppen» frå Ringerike. Anders Andersson var kalla Lybekk då han i 1851 gifta seg med Siri Hansdotter Leitet. Dei reiste til Amerika i 1852.
8. Arne f 1796 d 1803.
9. Ivar f 1803 d 1804.
10. *Arne* f 1805, brukar etter broren Kristafer.

I 1815 selde Arne Olson for 1700 rbd. til sonen *Kristafer Arneson* f 1788 d 1853. Kristafer fekk i 1827 sonen Ola med Marit Larsdotter. Ola gifta seg i 1852 med Anne Andersdotter Seterbrøtin, sjå Garthushaugen 65/2.

Livauret frå Kristafer til foreldra Arne og Kari etter kontrakt i 1815 skulle vera 8 tønner stritt bygg, røkt og stell av 4 kyr og 12 småkrøter, til slakt kvar haust eit 2 års gamalt naut, 6 småkrøter og 1/4 vaksen gris, 10 skjepper malt, 2 tønner poteter, 1 tønne kålrabi, 5 skjepper rug, 3 skjepper

salt, samt 10 alen lerret og 20 alen strie. I tillegg skulle dei ha 1 mål åker, som brukaren skulle pløye og gjødsle, 1/2 skippund godt høy, 2 rullar engelsk skråtobakk, 1 bismarpund god tørrfisk, og den nørdre bua med loft til å ha det dei åtte i.

Kristafer Arneson selde garden i 1831, berre 33 år gamal, til broren *Arne Arneson* og *Ola Anderson Moen* for 900 spd. Dei kjøpte halvparten kvar. Den eine kjøparen er seinare kalla Ola Arneson. I 1834 selde Ola noko av eigedomen sin, som i 1842 kom saman med eit areal frå søre Lundo og vart Øylund bnr. 9. I matrikkelen 1838 er Arne Arneson og Ola Arneson (Andersson) eigarar av nørdre Øyhus. Seinare er berre Arne Arneson omtala, og det går ikkje fram kva som skjedde med parten til Ola Arneson (Andersson).

Arne Arneson Øyhus f 1805 d 1886 g 1826 m *Ingrid Olsdotter Langedrag* f 1804 d 1891. I 1850 kjøpte Arne Arneson noko areal frå søre Øyhus: Eit engeslette nordafor Øyhus, kalla nedre Flatbrøtin, og ei lita slåtteøy i elva i nærleiken. Barn:

1. Kari f 1826 gm Ola Olson Lundatn, sjå øvre Koparvike 50/1.
2. Arne f 1828 d 1828.
3. Marit f 1829 gm Mikjel Reiarson Dølve, sjå Dølve 48/1.
4. *Arne* f 1832, neste brukar.
5. Jøren f 1835 gm Kristafer Olson Lundatn, sjå nedre Koparvike 50/4.
6. Ola f 1838 gm Kari Knutsdotter Tronhus, sjå Grøvsdokken 84/10.
7. Dorte f 1840 d 1923, budde i ei stugu på Øylo.
8. Inger Maria f 1842 d 1846.
9. Siri f 1845 d 1855.
10. Steingrim f 1850 gm Dorthea Thomasdotter Langedrag, dei kjøpte nørdre Revling.

I 1862 selde Arne Arneson for 1200 spd. til sonen *Arne Arneson Øyhus* f 1832 d 1908 g 1860 m *Jøren Haraldsdotter Vest-Grøv* f 1843 d 1919. Barn:

1. Arne f 1861 gm Ingrid Olsdotter Flaten, sjå Vest-Grøv 84/3.
2. Inger f 1863 gm Ole Knutson Kamben, sjå Smedmoen 50/23.
3. Ingeborg f 1866 d 1867.
4. Harald f 1868 gm Marit Mathiasdotter Leitet, sjå Lundmoen 50/22.
5. *Ole Andreas* f 1870, neste brukar.
6. Martin f 1872 d 1961.
7. Ingeborg f 1875 gm Roland Skaaren, Vestre Slidre, til Vardal. Ingeborg fekk i 1904 sonen Arne med Gudbrand Bendikson Amundstuen i Ådalen.
8. Karine f 1877 d 1893.
9. Anna f 1882 gm kjøpmann Loeng, Nordre Land.
10. Sigrid f 1886 gm Syver Mikkelson Fønhus, Esbjuk, Nordre Land.

I 1866 var det 39 mål svært god åker og dyrka eng, 115 mål magert slåtteland, frå setrar og utmark kom 65 skippund høy, 5 tylfter grantømmer kunne hoggast for sal, og dei lauva 1300 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 13 kyr og ungdyr, 18 sauer, 14 geiter, 2 grisar, og sådde 3/8 tønne rug, 1 1/4 tønne bygg, 11 tønner blandkorn, 1/4 tønne erter og 6 1/2 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med steintak. 2. Ein livaursbygning med bordtak. 3. Eit stabbur med bordtak. 4. Ei bu

Familie på nørdre Øyhus. Arne Arneson Øyhus f 1832 og kona Jøren (Jøran) Haraldsdotter Vest-Grøv f 1843 med barna. Frå venstre Inger, Anna, Sigrid, Ingebjørg, Arne, Harald, Ole Andreas, neste eigar, og Martin.

med jordtak. 5. Ein låve med jordtak. 6. Eit fjøs med flistak. 7. Ein ny låve med flistak.

I 1899 selde Arne Arneson til sonen *Ole Andreas Arneson* f 1870 d 1907 g 1898 m *Kari Trondsdotter Islandsmoen* f 1875 d 1961. Barn:

1. *Arne* f 1898, neste brukar.
2. Trond f 1899 d 1984 gm Asta Kverndal, Dokka.
3. Harald f 1900 gm Anne Martinsdotter Hansebakken, sjå Kveberg 50/47.
4. Arnfinn f 1902, gift i USA med ei svensk dame.
5. John f 1904 d 1984 gm Margit Kolbjørnshus, Dokka.
6. Ingemund f 1905 gm Anne Nikolaisdotter Bøhle, sjå Øymoen 50/35.
7. Jørand f 1907 d 1920.

Frå 1932 var *Olaus Islandsmoen*, bror til Kari Trondsdotter, eigar, og frå 1944 *Arne O. Øyhus* f 1898 g 1928 m *Borghild Martinsdotter Bøhle,* Nilsebøle 50/13, f 1907. Barn:

1. Arne f 1928 gm Synnøve Engen, Enge 56/5, bur i Oslo.
2. Kari f 1936 gm Ola Solheim, sjå Solheim 50/58.
3. Randi f 1946 gm Arvid Stensæter.

Eigar frå 1977 er *Ole Arne Øyhus* f 1962, son av Kari og Ola Solheim.

Nørdre Øyhus har 70 da. dyrka jord og 1800 da. produktiv skog. Frå 1981 har gardsdrifta vore sauehald, korn- og grasproduksjon.

Lengst nord på innmarka ligg *Umundsåker'n,* som har namn etter ein Amund som bygde ei stugu i skogen ovafor vegen. Her heiter det *Umundstugubrøtin.* Tomta etter stugu syner framleis. Vest for vegen, rett ovafor huset, ligg *Badstuguåker'n.* Her stod badstugu og smiu. Nord for tunet er *Storåker'n,* og nedafor vegen *Humlegardsbakkin* og *Kålgardsbakkin.* I skogen opp for vegen ligg *Haraldsmeininge,* eit kjellarhol etter ein Harald som meinte å setja opp stugu der. *Andrisberget,* eit sørvendt stup opp for garden i vest, heiter etter gjetarguten Andris. Han ville rulle ein stein utfor til helsing då det kom eit brudefylgje forbi, men vart med sjølv og slo seg i hel. Sjå også øvre Dølvesbrenne 48/14. Ved haustsetra Dyngutn ved Fautmyre endar skogen til Øyhus. Det heiter at ein fut som kom ferdselsvegen, køyrde seg ned i myra.

Husa er ein bygning i to høgder frå 1840, oppført av Arne Arneson f 1805, restaurert 1952, ein bygning i to høgder frå 1860 bygd av Arne Arneson f 1832, restaurert 1935, stabbur 1904 og vognskjul 1980. Ein låve frå 1902 og eit fjøs frå 1934 er rivne. Ny driftsbygning 1985. To minkhus vart bygde i 1980.

Ved Fløtesetre ved Hølera er det fleire dyregraver og spor etter jarnblåstring. I 1920-åra vart det slutt med å bruke haustsetra Gråbeinrud. No står berre ei skogshytte her.

Granbo bnr. 55

Bustadhus i «Briskebye» på tomt utskild frå nørdre Øyhus i 1955. Huset er stugu frå øvre Ølmhusplasse, flytta ned av familien *Grandorf* frå Danmark, sjå også Skogly 50/56. Dei flytta attende til Danmark, og selde staden til Haldor Gran, som så selde til sonen sin, noverande eigar. *Olav Gran,* busett i Oslo, har huset til feriestad.

Skogly bnr. 56

Bustadhus i «Briskebye» på tomt utskild frå nørdre Øyhus i 1956, seld til målarmeister *Martin Rasch* frå Trøndelag, gm *Olga Marie Eriksdotter Muldbakken.* Dei har barna Bjørn og Jan. *Rasch* og *Grandorf,* sjå Granbo 50/55, freista tilværet som skogsarbeidarar nokre år, til dei fann ut at det var «livets siste sjanse», som Rasch brukte å seia om arbeidsdagen i skogen.

Familien Rasch flytta til Oslo, og huset vart kjøpt av *Anders Hansebakken,* Garthus. Neste eigar var *Arne Kristofferson Koppervik* d 1976. Noverande eigar er *Knut Martinson Lundelien,* Fjellvang 50/49, f 1951.

Lundmoen bnr. 22

Lundmoen, eit lite småbruk i «Briskebye», vart utskild frå nørdre Øyhus i 1899, og seld same år av Arne Arneson Øyhus til sonen *Harald Arneson Øyhus* f 1868 d 1953 g 1896 m *Marit Mathiasdotter søre Leite* f 1852 d 1947. Barn:

Arne f 1897, neste eigar.



Frå Lundmoen i 1933. Bilen til Arne A. Langedrag på Smedlund, kalla «Akk o Ve» — like greitt var det ikkje alltid å halde ein bil gåande, med Arne Øyhus Lundmoen ved sida av. I portalen sit Harald Øyhus Lundmoen.

Arne Haraldson Øyhus f 1897 d 1983 gm *Marie Lande,* Rosendal i Hardanger f 1903 d 1983. Arne var vegarbeidar og småbrukar og Marie dameskreddar.

Arne Olav Langedrag, Smedlund 50/24, f 1948 kjøpte Lundmoen i 1972. Han har overteke yrket etter far sin, og køyrer drosje og ambulanse. Gm *Grete Karin Framnes* f 1949, hjelpepleiar. Barn:

1. Nina f 1972.
2. Tone f 1974.
3. Arne Martin f 1977.

Familie på Lundmoe. Marit Mathiasdotter f søre Leitet 1852, mannen Harald Arneson nørdre Øyhus f 1868 og sonen Arne f 1897.

Innmarka er 13 da., skogen 55 da., og ein sameigeteig 80 da. Arne Olav og Grete Langedrag bygde nytt bustadhus i 1974.

Flatmoen (også Flatmo) bnr. 33

Bustadhus på tomt utskild frå Lundmoe i 1936, seld i 1937 til *Olaf Nilsen,* Sveriplassen 50/32, f 1906 d 1984. Olaf Nilsen bygde huset i 1938, og kjøpte eit tilleggsareal i 1943. Gm *Ingrid Bjørke,* Bjørke 33/7, f 1915 d 1976. Olaf Nilsen arbeidde fyrst i skogen, og køyrde lastebil og buss frå 1930. Barn:

1. May Margrete f 1939 gm Gunnar Karlsen, Eidsvoll.
2. Arild Gunnar f 1950 gm Gerd Larsen, Oslo.

Smedmoen bnr. 23

Smedmoen var opphavleg husmannsplass under nørdre Øyhus, og må ha namn etter ein her som var smed.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Anders Andersson nørdre Lundatn* f 1798 d 1854 på Smedmoe g 1827 m *Anne Kristafersdotter Stanfinnmarke,* Tåmåsbrøtin under Tømto, f 1804 d 1894 på Juvesetren. Dei er nemnde på Haftonseige 1828 og -30, Braka 1833, på Stanfinnmarken 1837, i Skarasetren 1840, truleg Joplassen, der dei er nemnde 1843 og -46. Barn:

1. Anders f 1828 gm Anne Sjugurdsdotter Nybrøtin, sjå Nybrøtin 55/2.
2. Kristafer f 1830 gm Gjartrud Mikjelsdotter Hellandshølen, sjå Hølt 54/33.
3. Ragnhild f 1833 g 1854 m Hallvor Ivarson Øyhuseige, Sveriplassen 50/32, f 1826. Dei fekk sonen Ivar f 1855 d 1855 og dottera Marit f 1856 på Smedmoe, og reiste til Amerika i 1857.
4. Anne f 1837 d 1840.
5. Tøren f 1840 d 1840.
6. Sjugurd f 1843 gm Gudbjørg Østensdotter Sørumseige, sjå Moen 55/7.
7. Anton f 1846.

Kring 1860 er *Ola Sjugurdson Kyrkjebjørgeige* og *Gunhild Tåmåsdotter Tømtoeige* nemnde på Smedmoe, sjå Sveinedokke under Langedrag.

Håvård Olson Skarasetre f 1801, kjend som «Håvårdsonguten», Håvårdsonplassen under Skaro, sjå der om han, g 1849 m *Johanne Olsdotter Tåmåsbrøtin,* Tåmåsbrøtin under Tømto, f ca. 1823, er i 1849 nemnde på Tømtoeige, som må vera Tåmåsbrøtin, i 1851 på Skaroeige, i Sveriplasse 1859 og på Smedmoe 1864. På Smedmoe var dei også i 1865, då Håvård er oppført som husmann med jord og hadde hjelp frå fattigkassa. Seinare drog dei til Amerika. Johanne Olsdotter fekk i 1844 dottera Tøren med Embrek Olson Sørbøen. Tøren fekk i 1865 dottera Johanne med Arne Hansson Tørrmo, Lundatn, Nord-Aurdal. I 1856 fekk Johanne dottera Olea med Ola Gudbrandson Brenninge. Olea kom til mormora Tøren i Tåmåsbrøta då Håvård og familien reiste til Amerika. I 1896 gifta Olea seg med Ole Evenson Hagin, sjå Brattebakke 44/17. Barn til Håvård og Johanne:

1. Gunhild f 1849.
2. Tonette f 1851 gm Mikkel Syverson Bergei under nørdre Langøydgarde.
3. Ole Andreas f 1859.
4. Martin f 1864.

Epleplukking på Smedmoe ca. 1920. Ole Knutson Smedmoen f 1862, dottera Olga, kona Inger Arnesdotter f nørdre Øyhus 1863, døtrene Karine og Olea og sonen Knut.

I 1865 hadde dei 1 ku, 2 sauer, 4 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg, 1/8 tønne blandkorn og 1 1/4 tønne poteter.

Jon Arneson Kambaeige, Bjødnsplassen under Dølveskambe, f 1828 d 1911 g 1860 m *Anne Andreasdotter Hølersetereige,* Gunhildbrøtin under Hølersetren, f 1825 d 1881, er nemnde på Kambaeige 1860 og på Øyhuseige frå 1862. Den sistnemnde plassen var nok Liatn, der dei var husmannsfolk i 1865. I 1875 var dei husmannsfolk på Smedmoe. Anne Andreasdotter døydde etter eit bryllaup på nørdre Øyhus, då ho fekk verk i ein tann, og Jon sat att på Smedmoe med små barn. Jon, kalla «Jo på Smemoe», budde på sine gamle dagar hjå sonen Arne. Minne nær Smedmoen frå Jo si tid er namna *Jokjelda* og *Jokvee.* Barn:

1. Gjertrud f 1860 gm Ole Hansson Tørrmoen. I 1882 fekk Gjertrud sonen Anton med Andreas Larsson Ringeliseige, Søndre Land.
2. Arne f 1862 gm Hedvig Olsdotter Bagn, sjå Høvda 30/5.
3. Anne Maria f 1866 gm Ole Erikson Storrustemoen, sjå Gullberg 56/9.
4. Ingeborg f 1869 d 1869.
5. Ingeborg f 1870.

Etter Jon Arneson fekk *Inger Arnesdotter* f 1863 d 1927, nørdre Øyhus 50/14, g 1889 m *Ole Knutson øvre*

Dølveskamben f 1862 d 1957, Smedmoen saman med mannen sin. I 1899 vart Smedmoen utskild og seld frå nørdre Øyhus. Inger og Ole bygde nye hus på ei anna tomt, og tok namnet Smedmoen. Ole var skreddar, kalla «Skreddarmester'n». Han kom tidleg i skreddarlære, og tok til med å sy i eigen verkstad etter læretida. Den fyrste tida han var med og sydde, var det å reise kring på gardane. (Valdres 26.4.1952.) Barn:

1. *Knut* f 1890 d 1962, eigar frå 1941.
2. Olea f 1892 d 1892.
3. Jørgine f 1893 gm kjøpmann Ola Bonlid.
4. Olea f 1896 gm Emil Hermanson Brattrud, sjå øvre Brattrud 23/3.
5. Amanda f 1898 gm Erik Nilsson Huset, Hedalen, til Østre Modum.
6. Ingebjørg f 1900 gm Olav Martinson Granheim, sjå Granheim 72/12.
7. Karine f 1903 gm Erik Olson Gran, sjå Urholt i Begnadalen.
8. *Olga* f 1908, eigar etter broren Knut.

Olga Olsdotter Smedmoen f 1908 d 1984 g 1930 m *Haldor Olson Gran* f 1904. Barn:

1. Olaf f 1930 gm Magna Vindsom, Gran, bur i Oslo.
2. Odgeir Arvid f 1937 d 1937.
3. *Ida* f 1940 gm *Olav Løken,* Vågåmo, eigarar no. Dei har sonen Ove Henri f 1963.
4. Odleif f 1945 d 1945.

Smedmoen har 10 da. dyrka jord, skog i sameiga, og dei hadde tre kyr den siste tida bruket var i drift. Nytt bustadhus 1970.

Smedlund bnr. 24

På Smedlund dreiv landhandlar *Mikael R. Dølven,* så Fjelltun i Bagn, landhandel i 1890-åra i ei livaursstugu som han flytta frå Dølve. Stugu er innebygd i huset som no står. Arne Olson Langedrag kjøpte butikken av M.R. Dølven, og heldt fram med handelen. Arne Langedrag dreiv fyrst forretning på Lundby saman med morbroren Ole Fønhus. I 1906 kjøpte Arne O. Langedrag tomta på Smedlund, som i 1904 var utskild frå Smedmoe.

Arne Olson Langedrag f 1878 d 1962 g 1902 m *Inger Marie Kristoffersdotter Koppervik,* nedre Koparvike 50/4, f 1873 d 1941. Arne og Inger Marie hadde krøter på Smedlund, og onna også Sandvike. Barn:

1. Ole f 1903 d 1930, var lærar.

Sundag hjå kræmarfolka på Smedlund. Inger Marie Kristoffersdotter f Koppervik 1873 og mannen Arne Olson Langedrag f 1878. Arne O. Langedrag kjøpte butikken på Smedlund nokre år etter 1900 av M.R. Dølven, som hadde teke til å handle her i 1890-åra i ei stugu flytta frå Dølve.

Butikken på Smedlund ca. 1943, like før handelen vart flytta til Øylo. Bensinpumpa på biletet stod rett opp for inngangen. Drosjebilen til Arne Langedrag f 1909 har kolgenerator. Det var lite med skilt på butikkveggen på Smedlund, berre eit tobakkskilt, men det er teke ned her.

2. *Kristoffer* f 1906 gm Sigrid Lynne, Skedsmo, sjå Øylo 50/31.
3. *Arne* f 1909, eigar etter broren.

Arne O. Langedrag selde forretninga til sonen *Kristoffer,* som flytta landhandelen til Øylo, og selde eigedomane Smedlund og Sandvike til sonen Arne.

Arne Arneson Langedrag f 1909 gm *Olga Ingvarsdotter Kløvrud,* Fossnær 22/20, f 1915. Arne byrja med drosjebil i ung alder, seinare dreiv han også sjuketransporten i Sør-Aurdal. Barn:

1. Anne Marie f 1944 d liten.
2. Arne Olav f 1948 gm Grete Karin Framnes, sjå Lundmoen 50/22.
3. Signe Marie f 1958 gm Kjell Jonny Hagen f 1958. Dei bygde i 1980 nytt bustadhus på Smedlund, og har barna Olga Marie f 1980 og Tor Arne f 1985.

Nymoen bnr. 25

Nymoen, utskild frå Smedmoe i 1904, vart seld i 1906 til *Martin Andersson Sveinedokken* f 1865 d 1938 gm *Katrine Kristiansdotter* frå Nordre Land, f 1871 d 1951. Martin Andersson rydda bruket til 5 da. dyrka jord. Han dreiv som skomakar, og hadde verkstad med dreieutstyr og langvedsag. Barn:

Anders f 1908 d 1910.

I 1938 selde Martin Sveinedokken til *Haldor Gran,* som i 1940 selde til *Katrine Sveinedokken.*

Ivar Islandsmoen f 1897 d 1973 kjøpte bruket i 1940, gm *Inger Bjørneskaret* f 1905 d 1963. Ivar Islandsmoen var elektroingeniør. Han bygde m.a. den fyrste radioen som vart høyrd i grenda. Dei leigde attåt nokre slåttar, og fødde 1 ku og 4—5 sauer. Det vart slutt med husdyrhaldet sumaren 1963. Far til Inger, Andreas Bjørneskaret, flytta på sine eldre dagar frå Bjødnaskare ned til Nymoen. Der bygde han seg ei lita stugu og dreiv skomakarverkstad. Barn:

1. Arvid f 1936 gm Annlaug Bøhle, Jøssheim 50/36, busette i Ringelia, Søndre Land. Dei har adoptivsonen Reidar Bøhle f 1966.
2. Gunn Ingerid f 1946 gm Reidar Kleven, sjå Torsrud 30/7.

Nymoen er på 5 da., og har ein sameigeteig på 110 da. Husa var opphavleg stugu, smiu, verkstad, låve med fjøs og stabbur. Husa no er bustadhus frå 1962, låve med fjøs frå 1956, og den tidlegare verkstaden som no er stugu.

Føsvang bnr. 28

Føsvang er eit areal nord for nørdre Øyhus, utskilt frå nørdre Øyhus i 1917. I 1918 fekk *Trond Arneson Øyhus* skøyte, og etter eit mellomspel vart den eldre broren *Arne Arneson* på nørdre Øyhus eigar i 1936. Frå Føsvang er fråselt bruket Øymoen og fleire bustadtomter

Øymoen bnr. 35

Øymoen, i eldre tid kalla *Larssonbrøtin* og *Øyhusbrøtatn — på Brøto,* vart utskild frå Føsvang i 1941, og seld same år av Arne O. Øyhus til broren *Trond.* Trond selde kort etter til broren Ingemund, som bygde opp garden med alle husa.

Ingemund Øyhus, nørdre Øyhus 50/14, f 1905 gm *Anne Nikolaisdotter Bøhle,* Nilsebøle 50/13, f 1920. Barn:

1. Kjellaug f 1943 gm Ivar Kjensrud, Hedalen.
2. Steingrim f 1948 gm Torun Bakken.
3. Nikolai f 1954 gm Kari Britt Olmhus, sjå Nilsebøle 50/13.

Øymoen har 30 da. dyrka jord og 85 da. skog og utmark. Buskapen har til vanleg vore eit par kyr og eit par ungdyr. På *Rennegrinden* var ofte ein slags møteplass for folk frå Lundebygden og andre. *Larssonøye* i Begna har namn etter ein Larsson frå søre Øyhus, her heiter det også *Larssonsandin* og *Litengutevju. Klauvberget* er eit granittberg der det har vore steinbrot. «Stabelsteinen» på Bagnsmoe er funne der. *Rennebrøtin* og *Flatbrøtin* er utslåttar.

Husa er stugu frå 1943, våningshus 1953 og låve med fjøs frå 1945. Øymoen har seter på Bukfyll.

Jøssheim bnr. 36

Bustadhus i «Briskebye» på tomt utskild frå Føsvang i 1943, bygt i 1945 av *Arne Martinson Bøhle,* Nilsebøle 50/13, f 1911 d 1979 gm *Gudrun Olsdotter Kind,* Pålsbrøtin 33/8, f 1918.

Arne Bøhle var fyrst skogs- og verkstadarbeidar, seinare sjåfør og dreiv lastebiltransport. Gudrun Bøhle har dei siste åra arbeidt på Bagn Bygdesamling. Barn:

1. Annlaug f 1941 gm Arvid Islandsmoen, sjå Nymoen 50/25, busette i Ringelia, Søndre Land.
2. Anne Marie f 1947 g 1. m Bjørn Antonson Bakke, Hedalen, g 2. m John Lars Haugen, busette i Lismarka, Ringsaker. Barn frå fyrste ekteskap: Arne Bøhle f 1964, Reidar Bøhle f 1966. Frå andre ekteskap: Olrun Bøhle Haugen f 1975. Frå 1983 er *Arne Bøhle* f 1964 eigar av Jøssheim.

Vonheim bnr. 39

Bustadhus på tomt utskild frå Føsvang 1943. Tomta vart i 1943 seld til *Ivar Islandsmoen,* som bygde Nymoen 50/25.

Bustadhuset frå 1967 er bygt av *Harald Bragerhaug,* Hedalen, f 1929, maskinentrepenør, gm *Maria Gran,* Begnadalen, f 1928. Barn:

1. Hans Erik f 1953 gm Bjørg Odny Hovi, Vestre Slidre, sjå Slettholt 56/19.
2. Jan f 1955 gm Guri Flaten, sjå Skogly 56/18.
3. Bjørn f 1959 gm Gro Sundvold, Aurdal, sjå Flatmo 56/20.
4. Bengt f 1964.

Maurstad bnr. 41

Bustadhus frå 1955 på tomt utskild frå Føsvang 1944, seld same år til *Ole Tronsplass.*

Bustadhuset er bygt av *Mekkel K. Lundelien* f 1921, sagbruksarbeidar, gm *Borgny Lundelien* f 1930. Barn:

Kåre f 1960 gm Britt Viken Sørflaten, øvre Sørflate 27/1.

Slettmo bnr. 42 og 43

Bustadhus på areal utskilde i 1944, dels frå Føsvang, dels frå Jøssheim, seld same år til *Anders Bøhle,* Nilsebøle 50/13, f 1900 d 1958, som bygde huset. Anders Bøhle var skogs- og gardsstyrar.

Deretter overtok *Anders Bjørneskaret* gm *Gunhild Milevasslien.* Dei hadde før brukt Bjødnaskaret 47/9, sjå der. Anders Bjørneskaret er skreddar.

Kveberg bnr. 47

Bustadhus 1949 på tomt, i alt 6 da., utskild 1940 frå Flatbrøta, som no høyrde saman med Øymoe, bygt av *Harald Øyhus,* nørdre Øyhus 50/14, f 1900 d 1985 g 1927 m *Anne Martinsdotter Hansebakken* f 1900. Harald dreiv særleg med skogsarbeid. Barn:

1. Ingrid Margrethe f 1928 gm Karl Mørk, Spydeberg, busette i Oslo.
2. Kari f 1931 gm Karl Rune Karlsson, Sverige.
3. Ole Andreas g 1932 gm Kari Wold, sjå Granvoll i Bagn.
4. Jørand f 1940 gm Jan Einar Vøyen, Bærum.

Fjellvang bnr. 49

Bustadhus 1955 på tomt utskild 1948 frå nørdre Øyhus. *Martin Lundelien* f 1927 d 1985, var mekanikar, gm *Inga Nilsen,* Begnadalen, f 1932. Barn:

1. Knut f 1951.
2. Ida Marie f 1963.

Solheim bnr. 58

Bustadhus 1962 på tomt utskild frå nørdre Øyhus 1960, bygt av *Ola Solheim* f 1935, maskinhaldar, gm *Kari Øyhus,* nørdre Øyhus 50/14, f 1936. Barn:

1. Ole Arne f 1962, eigar av nørdre Øyhus frå 1977.
2. Laila f 1965.
3. Hilde f 1967.

Øylo bnr. 31

Dorte Arnesdotter frå nørdre Øyhus, f 1840 d 1923, fekk bygd ei stugu til seg på denne staden under garden.

I 1928 kjøpte *Arne Lunde,* nedre Koparvike 50/4, f 1871 d 1939, tomta, som vart utskild same år. Arne Lunde var fotograf, og budde her til han døydde.

I 1938 selde Arne Lunde Øylo til systersonen *Arne Arneson Langedrag* frå Smedlund, som overdrog til broren Kristoffer.

Kristoffer A. Langedrag, Smedlund 50/24, f 1906 d 1979 gm *Sigrid Lynne,* Skedsmo, f 1907, kom til Øylo i 1942. Kristoffer hadde overteke landhandelen etter faren på Smedlund, og flytta han til Øylo. Forretninga vart nedlagd i 1975. Sigrid og Kristoffer Langedrag reiv den gamle stugu på Øylo, og bygde bygningen som no står. Barn:

Arvid f 1940, har bygt bustadhus på austsida av elva.

I 1940 heldt tyskarane ein del norske frå Bagn som fangar i stugu på Øylo. Dei norske sivile var tekne med som gislar under tilbaketrekkinga.

Helenastugu

Rett nord for Øylobutikken stod «Helenastugu». Her budde *Helena Maria Andreasdotter* f 1863, dotter til ein mjølnar i Mjølnarsveen under Ølmhus, sjå der. Helena fekk bygd seg ei stugu her på Øyhuseigedomen, og kalla stugu Sande. Difor gjekk ho også under namnet *Helena Sande.* Helena var ikkje gift, og livnærte seg ved å vaske for folk og arbeidde med stivetøy. Då Helena døydde, vart det auksjon etter henne. Stugu vart kjøpt til Austegarden i Reinli, og flytta dit.

Sveriplassen bnr. 32

Oppe i skogen opp for nørdre Øyhus ligg Sveriplassen med nokre få mål brattlendt innmark. Opphavleg var Sveriplassen husmannsplass, og utskild frå nørdre Øyhus i 1933.

Tradisjonen fortel at ein *Hallvor* var med i krigen mot svenskane, rimelegvis krigen 1807—14. Hallvor vart teken til fange, ført til Sverige, og kalla «Sveri-Hallvor» då han kom attende. Det var denne Hallvor som rydda seg inn på staden, er det sagt, og etter han har plassen vore kalla Sveriplassen.

Andre kjelder synest i hovudsak å støtte den munnlege overleveringa. På

kartet frå 1839 heiter plassen «Sverrig» — Sverige. Og *Hallvor Ivarson* frå Dølveseige, f 1766 og d 1823 som husmann under Øyhus, kan vera identisk med rydningsmannen tradisjonen fortel tom. Det må vera denne Hallvor Ivarson som i 1808 fekk husmannssetel av Arne Olson nørdre Øyhus.

Hallvor vart då overlaten eit stykke jord, som var opprydda, inngjerda, og der det var teke opp 1/2 mål åker. Leiga skulle vera 4 rd. Om sumaren var arbeidet å skjera 6 mål åker og slå for 1 rd.

Hallvor Ivarson var g 1797 m *Anne Herbrandsdotter Steinsetereige* f 1769 d 1869. Dei er elles nemnde på Steinsetereige 1798 og 1801, på Skaroeige 1800, på Øyhuseige 1804, på Ølmhuseige 1809 og -13, men ser deretter ut til å ha vore på Øyhuseige. Barn:

1. *Ivar* f 1798, truleg neste husmann.
2. Kari f 1800 gm Ola Olson Lundoeige, sjå Søreng 50/30.
3. Tora f 1804 gm Gudbrand Arneson Dølve, sjå Juve 48/29.
4. Gunhild f 1809.
5. Gunhild f 1813.

Ivar Hallvorson f 1798 d 1834 på Øyhuseige g 1825 m *Marit Narvesdotter Sørflate,* Sørflatdalen 27/6, f 1797 d 1856, var venteleg neste husmannsfolk. I 1837 fekk Marit dottera Olea d 1837 med Ola Olson Lundoeige. Barn til Ivar og Marit:

1. Hallvor f 1826 gm Ragnhild Andersdotter Joplassen, sjå Smedmoen 50/23.
2. Narve f 1829, til Amerika 1857, kalla Gullberg.

Ola Olson f ca. 1803 gm *Beret Hansdotter* f ca. 1802, er nemnde på Skarasetereige 1831—35, og i Sveriplasse 1841—46. Barn i desse åra:

1. Hans f 1831.
2. Ingebjørg f 1833 d 1835.
3. Venteleg Anne f 1835.
4. Nils f 1841 d 1845.
5. Ingebjørg f 1843.
6. Nils f 1846.

Ola Olson og Beret Hansdotter reiste til Amerika i 1857. Med dei var barna Marit f 1831, Anne f 1835, Andreas f 1839, Nils og Ingebjørg.

Ivar Eivindson Tronhuseige gm *Guri Olsdotter Sørflatseige* er nemnde i Sveriplasse 1851, og var på Klubbeberge under Tronhus 1854, sjå Milevatnet 38/4.

Ola Olson Ølmhuseige f ca. 1829 g 1854 m *Kari Olsdotter Ølmhuseige,* Oppheim 53/3, f 1828, var på Massingmoe under Ølmhus 1854 og -55, og i Sveriplasse 1856. Barn:

1. Berte f 1854 d 1855.
2. Berte Maria f 1856.

Per Nilsson Gardereige og *Pernille Larsdotter* kom i 1855 frå Toten til Gladhaug for å arbeide. Dei hadde med seg to barn, og to til vart døypte i Sør-Aurdal. Familien er nemnd på Gladhaug 1855 og i Sveriplasse 1858. Barn som me kjenner:

1. Petrine f 1849.
2. Martin f 1853.
3. Nils f 1855.
4. Lars f 1858.

I 1865 var *Bjørn Knutson* frå Hølerseterbrøta, sjå der, og *Inger Olsdotter Fønnhuseige* husmannsfolk. Dei er nemnde i Hølerseterbrøta til 1861, og i 1864 på Øylundeige. I 1873 reiste familien til Amerika, Bjørn var då kalla Hølersetereige.

Bjørn og Inger hadde i 1865 4 kyr, 8 sauer, 3 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

Nils Andersson Bagnseige gm *Guri Kristafersdotter Dølveseige* kom til Sveriplassen frå Hølerseterhauge kring 1870, og var husmannsfolk i 1875. Seinare budde dei i Kølplasse under søre Øyhus, sjå der.

Ola Kristianson Skarseige, kalla «Gjerdingen», frå Moen under søre Lien, f 1843 d 1918 på Øymoe som sonen Kristian kjøpte, g 1869 m *Marit Andersdotter Eidsbakkatn* f 1840 d 1886. Dei er nemnde på Eidseige 1869, i Ivarsbrøta under Åse 1872—76, og i Sveriplasse 1879 og -82. Ola budde som enkjemann i Sveriplasse i 1891. Barn:

1. Anne f 1869 d 1873.
2. Olea f 1872 d 1873.
3. Anne f 1874.
4. Oline f 1876, til Amerika, gm Amund Rustebakke.
5. Kristian f 1879, var i Amerika, kom attende og kjøpte Øymoen 54/19.
6. Helene f 1882.

Husmannsfolk i Sveriplasse seinast frå 1889 var *Ole Andreas Olson Hellandshølen* gm *Marit Olsdotter Dølvesbrenne,* sjå vestre Erstadbrøtin 33/11.

I 1897 er *Erik Olson Rustebakkeige* gm *Anne Evensdotter Viken* nemnde i Sveriplasse. Dei var på Gamlemoen under vestre Piltingsrud i 1900, sjå der.

Kristoffer Nilsson, Kølplassen under søre Øyhus, f 1871 g 1899 m *Maria Jeremiasdotter Bøensbrøtin,* Hølvegen 36/21, f 1879, var husmannsfolk i 1900. Kristoffer var kalla Sveriplass då han gifta seg. Dei skal ha reist til Amerika. Barn:

Nils f 1901.

Anton Nilsson Kølplassen f 1868 d 1945 g 1890 m *Maria Olsdotter Liabekklie* f 1868 d 1945, dotter til Ola Andersson Hesthagahølet og Olea Monsdotter Liabekklie, kom til Sveriplassen kort etter 1900. Før budde dei i Olsonplasse. Anton var son til dei tidlegare husmannsfolka Nils Andersson og Guri Kristafersdotter. I 1933 kjøpte Anton Sveriplassen etter skylddeling same år. Dei hadde to kyr. Barn:

1. *Olea* f 1890 d 1962, sjukepleiar. Olea budde i Sveriplasse ei kort tid etter foreldra.
2. Guri f 1892 gm Johan Alfred Sveum, Nordsinni.
3. Nils f 1895 gm Gudrun Jordet, Begnadalen. Nils fekk i 1922 dottera Gunbjørg med Gunhild Knutsdotter Øyhus.
4. Ingrid f 1898 d 1900.
5. Ingrid f 1901 gm Harald Knutson Erstad, sjå Erstad 33/1.
6. Ola f 1903 gm Kari Bergrud, Nes i Ådalen.
7. Olaf f 1906 gm Ingrid Bjørke, sjå Flatmoen 50/33.
8. Kristoffer f 1908 gm Aagot Dokken, sjå Veimot 33/29.

Anton Nilsson måtte tidleg ut for å tene. 17 år gamal tok han til som vegarbeidar,

og var det i mange år. Kring 1923 vart han vegvaktar.

I Valdres 3.8.1939 fortel Anton nokre minne til Oswald Garthus. Anton var fødd på Hølerseterhauge:

Ho mor tok imot meg sjøl. Doktor trur e alder de ha vøre i dei bygden.

— Håssen levde de i Hølerseterbygda. Kunne de trives der?

Å, det var nok smått stell. Ofte fraus kødne, so det vart lite å leva tå. Men vi hadde try kyr i dei vesle plasse.

— Så flytte de til Sveriplassen da?

Ja, det var helg og glea å kåmmå ned i bygde, skal e sea deg.

Olea Nilsen selde Sveriplassen til brorsonen *Arne Nilsen,* Eidsvoll, son til Ola og Kari. Etter 1962 har bruket stått tomt. Innmarka er hamne.

Ein åker, kalla *Koparvikåker'n,* nytta til poteter, skal ha namn etter ein frå Koperviken som brukte plassen. Kjelda — *Sveriplasskjelda* — vart aldri tom. Når dei vart vasslause i Lundebygden, måtte dei hit etter vatn. Brukaren i Sveriplasse hadde rett til å onne *Sveriplassmyre* i skogen til nørdre Øyhus. Her stod ein skåle.

Klypa

Plassen Klypa under nørdre Øyhus låg som i ei klype — ei smal renne — ovafor Sveriplasse. Etter ein dei kalla «Klypeguten» finst ei lått med same namn. I 1836 var Klypa under nørdre Øyhus kalla *øvre* Klypa. Det kunne tyde på at det også fanst ein *nedre* Klypa, men på kartet frå 1839 er berre plassen Klypa avmerka.

I 1821 fekk *Erik Olson Steinsetereige* f 1790 d 1855 g 1818 m *Ingebjørg Narvesdotter Sørflatdalen* f 1791 d 1843, festesetel på Klypa. Båe døydde i Bjødnaskare. Dei er nemnde på Øyhuseige 1821—34. Barn:

1. Ola f 1818.
2. Narve d 1820.
3. Narve f 1821.
4. Ola f 1825 gm Anne Olsdotter Flatøydgardseige, sjå Komperud 40/5.
5. Erik f 1828.
6. Marit f 1831.
7. Anne f 1834 gm Ola Mikjelson Spangrud.

I 1836 selde Ola Arneson (Andersson) Øyhus ein del av halvparten han åtte i nørdre Øyhus, m.a. plassen øvre Klypa slik han hadde vore brukt etter festesetelen frå 1821, til Arne Olson. Saman med eit areal utskilt frå søre Lundo i 1842 vart dette Øylund bnr. 9.

Søre Øyhus bnr. 15

I 1724 selde *Bjørn Olson Øyhus* denne halvdelen av garden av skyld 1 1/2 skinn med underliggjande Lundatn av skyld 3 skinn for 600 rd. til *Anders Arneson Bagn.*

Bjørn Olson ser etter nokre år ut til å ha vorte eigar på nytt. I 1753 overdrog han og sonen Ola Bjørnson søre Øyhus til bror til Bjørn, Ola Olson, for 800 rd. Det heiter då at Bjørn tidlegare hadde bortpanta garden til Ola for 436 rd., og Ola hadde sidan forbetra hus og jordveg mykje, etter overslag for 364 rd. No var dei einige om at Ola skulle få skøyte. I ei sak i 1755 fortalde Ola at han i 1743 brukte Piltingsrud. Men ved synfaringa i 1744 var han brukar på Øyhus.

Ola Olson Øyhus, Øyhus bruk II, f ca. 1697 g 1. 1724 m *Jøren Olsdotter,*

Søre Øyhus i 1982. Fyrstelekken i gardsnamnet er kan hende det gamalnorske ordet øy, ei flat strekning med frodig vekst langs vatn.

Skarasetre, f 1696 d 1754. Ved skiftet etter Jøren i 1755 var bruttoeiga 786 rd. og nettoeiga 521 rd. Barn:

1. Beret f 1722 gm Arne Olson Koparvike.
2. Ola f 1725 d ung.
3. Ragnhild f 1728 gm Ola Amundson Brattrud, sjå nørdre Brattrud bruk I.
4. *Ola* f 1731, neste brukar.

Ola Olson Øyhus g 2. 1755 m *Ingrid Amundsdotter Flaten,* sjå under Jøranby.

Som avtala på skiftet etter Jøren Olsdotter selde Ola Olson med mennene til dei to døtrene garden i 1755 for 723 rd. til sonen *Ola Olson Øyhus* f 1731 g 1753 m *Anne Olsdotter nørdre Torsrud* f 1733 d 1773 på Nord-Grøv. Barn:

1. Ola f 1756 gm Taran Gulsdotter Åsli, sjå under Grøv.
2. Anders f 1758.
3. Anders f 1760.
4. Tøren f 1763 gm Anders Arneson nedre Haug.
5. Ola f 1765.
6. Jøren f 1767.
7. Anne f 1770.

I 1771 bygsla Ola Olson 8 skinn i Grøv. I 1774 gifta han seg opp att m *Beret Ivarsdotter Erstad,* og flytta til Erstad.

Ola Olson selde søre Øyhus i 1772 for 1540 rd. til *Hallstein Haraldson Langøydgarden* gm *Kari Embreksdot-*

ter Langøydgarden, sjå nørdre Langøydgarden 41/3.

Hallstein Haraldson var gravlagd 29 år gamal frå Øyhus i januar 1773. Kari Embreksdotter, Høve bruk II, f 1773, gifta seg opp att i desember same år m *Gudbrand Olson Steinsrud* f 1747. Barn til Kari og Gudbrand:

1. Ingebjørg f 1774 gm Erik Olson Koparvike.
2. Olea f 1776.

I 1780 vart Gudbrand innstemna av Mikjel Olson Dølveseige, formyndar for Harald Hallsteinson, son til avlidne Hallstein Haraldson, om løysingsretten til garden.

Før jul i 1787 inngjekk Gudbrand avtale med Ola Knutson Storøydgarden om sal av Øyhus, vart det opplyst i vitneprov på tinget i januar 1788. Salssummen skulle vera 1200 rd., av det 500 rd. til kreditoren Steingrim Bagn. Men Gudbrand ville ikkje stå ved salet då han vart tilboden pengane. Difor stemna Ola han. Gudbrand hevda at saksframstillinga var feil, men førte ikkje prov, og vart dømd til å la handelen gå som avtala.

Gudbrand Olson og Ola Knutson må likevel ha kome til forlik. Iallfall var Gudbrand eigar i februar 1790, då han skøytte garden for 1200 rd. til *Ola Arneson Koparvike.*

I 1794 var Gudbrand Olson eigar på nytt, og Ola Arneson åtte Koparvike. I februar makeskifta dei gardane. Søre Øyhus var verdsett til 1185 rd., og *Ola Arneson Koparvike* måtte betala 783 rd. i mellomlag.

I 1795 makeskifta Ola Arneson garden, no verdsett til 1328 rd., med *Amund Olson Grøv* mot ein part i Grøv. Amund Olson makeskifta i 1797 med *Embrek Arneson Braka* mot Lillebraka i Hedalen. Denne gongen var søre Øyhus vurdert til 1360 rd.

Embrek Arneson nørdre Langøydgarden f 1755 d 1813 på Stanfinnmarken g 1780 m *Siri Hallsteinsdotter Rustebakke* f 1759 d 1840 på Leikebakke. Dei er nemnde på Storebraka og Braka 1781—94, men på Tollevsrud 1791, og var i Skarasetren 1805. Barn:

1. Arne f 1781.
2. Arne f 1782 d 1792.
3. Hallstein f 1786 gm Guri Olsdotter Rust, sjå Leikebakke.
4. Kari f 1788 d 1791.
5. Kari f 1791.
6. Anders f 1794.
7. Anne f 1796 gm Anders Andersson Velingsrud, sjå Juve 26/2.
8. Arne f 1799 gm Ingrid Arnesdotter Braka, sjå Heggerud under Mikjelsøydgarde.
9. Beret f 1805 gm Sjugurd Olson Roaeige, sjå søre Rugbrøtin 15/7.

I 1803 selde Embrek Arneson for 1550 rd. til *Lars Olson Steinsetre.* Lars må ha kjøpt garden for sonen Ola, for både Lars og kona Ragnhild døydde som livaursfolk i Steinsetren. I 1807 selde Lars halvdelen til sonen Ola for 1000 rd., og i 1812 den andre halvdelen for same sum.

Ola Larsson Steinsetre f 1784 d 1846 g 1. 1812 m *Gjartrud Mikjelsdotter søre Fønnhus* f 1792 d 1827. Ved skiftet etter Gjartrud i 1827 var bruttoeiga 678 spd. og nettoeiga 652 spd. Barn:

1. Ragnhild f 1813 gm Ellend Olson nedre Dølveskamben. I 1844 fekk Ragnhild sonen Mikjel med Amund

Mikjelson Sørli. Mikjel gifta seg med Anne Sjugurdsdotter Sparkevik, sjå nedre Kamben 48/6.
2. Lars f 1815 d 1818.
3. *Mikjel* f 1817, neste brukar.
4. Kjersti f 1820 d 1820.
5. Lars f 1821 gm Karen Kristafersdotter, sjå Linheia 71/6.
6. Kjersti f 1824 gm Hallvor Olson Hølersetre, sjå Sveinsbrøtin under Åse. Kjersti fekk i 1845 sonen Kristian med Kristian Kristianson Koparvike, Nilsebøle 50/13. Kristian d.y. gm Karen Hansdotter, sjå Sveinsbrøtin under Åse.
7. Ola f 1826 d 1826.

Ola Larsson g 2. 1834 m *Ragnhild Olsdotter søre Lundatn* f 1812 d 1870. Ved skiftet etter Ola i 1847 var bruttoeiga 1580 spd. og nettoeiga 756 spd. Barn:

1. Ola f 1834 gm Anne Olsdotter Kristenbrøtin, sjå Snuggen 50/17.
2. Ola f 1837.
3. Erik f 1839.
4. Kristafer f 1842 gm Anne Johannesdotter Garthus, sjå Strandbråtån i Begnadalen.
5. Gjartrud f 1844 g 1. m Tore Endreson Bøenslie. Tore døydde som innerst på Garthushaugen i 1872. G 2. m Ola Arneson Øylund.

Etter at Ola var død, flytta Ragnhild Olsdotter med barna til plassen Snuggen, som vart utskild i 1846. I Snugge fekk Ragnhild to barn med Elling Norddalen, Viker i Ådalen: Maria f 1851 gm Ole Andreas Gulson Dokkehaugen, og Siri f 1854 gm Kristian Kristofferson Øylund, Leiteplassen 47/7. Kristian og Siri fekk sonen Kristoffer i 1879, alle tre reiste til Amerika i 1881. I 1865 var Ragnhild livaurskone på søre Øyhus.

I 1846 fekk son til Ola Larsson og Gjartrud Mikjelsdotter, *Mikjel Olson Øyhus* f 1817 d 1860, skøyte for 1000 spd. Mikjel var g 1846 m *Gunhild Olsdotter Roo,* nedre Roo 15/2, f 1822. I 1853 selde Mikjel Olson garden til *Arne Mikjelson* og *Arne Arneson Fønnhus* for 1100 spd., som selde attende til Mikjel året etter for same sum. Mikjel ville likevel ikkje å halde på garden, for i 1856 selde han til lensmann *Nilsen* for 1400 spd. I 1857 reiste iallfall Gunhild til Land. Ved skiftet etter Mikjel i 1861 åtte buet også plassen Grønengdalen i Bagn. Barn:

1. Gjartrud f 1847 d 1847.
2. Ola f 1848.
3. Gjartrud f 1850 d 1860.
4. Ole Martin f 1852.
5. Inger Andrea f 1854.
6. Lars f ca. 1858 i Land.

Gunhild Olsdotter g 2. 1860 m *Arne Arneson Eldebakkatn,* sjå Fossnær (Grønengdalen) 22/20. Gunhild, Arne og barna reiste til Amerika i 1861.

I 1859 selde lensmann Nilsen søre Øyhus for 2700 spd. til *Hans Andersson Holte* frå Ådalen, og tente bra på handelen. I 1862 selde Hans Holte til *Nils Olson Gravli* for 2750 spd.

Nils Olson Gravli, Nes i Ådalen, f ca. 1814 d før 1891 gm *Johanne Olsdotter Kulterud* f 1834 d 1928. Nils vart visstnok sjuk, og døydde i Kristiania og vart gravlagd der. Barn:

1. *Maria* f 1862, neste brukar.
2. Gunhild f 1864 d 1950.

3. Ragnhild f 1867 gm Erik Mikkelson nørdre Fønnhus.
4. Olea f 1873 d 1896.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 36 mål ganske mager åker og dyrka eng, 62 mål magert slåtteland, frå Lio kom 5 skippund høy, 5 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast, dei lauva 600 kjerv, garden var lettbrukt og svært frostlendt. I 1865 hadde dei 1 hest, 6 kyr, 12 sauer, 1 gris, og sådde 1/4 tønne rug, 1/2 tønne bygg, 2 1/2 tønner blandkorn, 1 1/2 tønne havre, 1/4 tønne erter og 3 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med steintak. 2. Eit våningshus med flistak. 3. Ein låve med flistak. 4. Eit nytt fjøs med flistak. 5. Ein stall med flistak. 6. Eit stabbur med flistak.

I 1888 selde Nils Olson til versonen *Mikkel Arneson Øylund* f 1853 d 1921 g 1886 m *Maria Nilsdotter Øyhus* f 1862 d 1924. Mikkel flytta til Kølplassen som livaursmann, og døydde der. Barn:

1. *Nils* f 1887, neste brukar.
2. Guri f 1888 d 1889.
3. Arne f 1889 d 1889.
4. Johanne f 1890 d 1890.
5. Arne f 1895 d 1917 i Kølplasse.
6. Guri f 1896 d 1905.
7. Johanne f 1901 d ca. 27 år gammel.
8. Olaug f 1902 d 1902.
9. Gunnar f 1907 gm Margit Lundene, sjå Øytun 32/36.

Nils Mikkelson f 1887 d 1915 fekk skøyte av foreldra i 1908, g 1909 m *Gunhild Knutsdotter Erstad*, Erstad 33/1, f 1885 d 1977. Barn:

Familie på søre Øyhus ca. 1902. Mikkel Arneson Øylund f 1853 og kona Maria Nilsdotter Øyhus f 1862 med barna Arne, fremst til venstre, Guri, i midten foran, og Nils, neste brukar, bak.

1. *Maria* f 1911, neste brukar.
2. Elin f 1913.

Gunhild Knutsdotter var brukar i mange år etter at mannen Nils døydde, berre 27 år gamal. I 1941 selde ho til versonen *Thomas T. Langedrag* f 1909 gm *Maria Nilsdotter Øyhus* f 1911 d 1978. Barn:

1. Gunhild f 1934 gm Alf Steinsrud, Vardal.
2. *Nils* f 1942, neste brukar.
3. Torgeir f 1946 gm Karin Øilund, busette på Leira.
4. Else Karine f 1950 gm Hans Dokken, Bromma.
5. Åse f 1952 gm Willy Ingjerd, Nes på Romerike.

Frå søre Øyhus med m.a. tre generasjonar koner på garden. Frå venstre Gunhild Nilsdotter Øyhus f 1864, mora Johanne Olsdotter Øyhus f Kulterud 1834, Maria Nilsdotter Øyhus f 1862, Gunnar Mikkelson Øyhus f 1907, Gunhild Knutsdotter f Erstad 1885 med dottera Elin f 1913 på armen, Maria Nilsdotter f 1911, syster til Elin, og ytst til høgre Johanne Mikkelsdotter f 1901 i kvit kjole. Bak gamlebygningen og stabburet. I åsen bak ser ein Tåmåsbrøtin.

Nils Øyhus f 1942, eigar frå 1974, gm *Synnøve Irene Nordhus,* Storsteinnes, Balsfjord, f 1946. Barn:

1. Gunn Torill f 1967.
2. Tom Magne f 1970.
3. Mona f 1974.
4. Gunnar f 1978.
5. Elin, tvilling med Gunnar, f 1978.

Søre Øyhus har 83 da. dyrka jord og 1160 da. produktiv skog. I heimskogen var to skålar brukt til å ha lauv i, øvre og nedre Snuggeskålin, som låg litt lengre vest enn Liatn.

Den noverande bygningen er frå 1967. Den gamle var ein tømmerbygning i to høgder. Driftsbygningen er frå 1952, det gamle uthuset hadde låve i vinkel. Elles finst ei gamal badstugu, stabbur frå 1744, stabbur frå 1800-talet, kårbygning frå 1940 — ein del av dette huset var før flytta til Bagn, eldhus og smiu.

Søre Øyhus har setrane store Bukfyll og Røvangen, og er med i Venelia fellesseter. Den tidlegare husmannsplassen Liatn var brukt som heimseter til 1956. Søre Øyhus var av dei siste som



Gamlebygningen på søre Øyhus då det ikkje var glas på den øvre tverrveggen. I øvre delen av bygningen var kjøkenet, og lensmann Nilsen tetta att vindaugo for at tenestefolka ikkje skulle hefte bort tid med å sjå opp på vegen. Seinare vart glasa innattsette.

brukte heimseter. I Lio låg dei tre veker om hausten.

Til Liatn rømde mange frå bygda i april 1940. Her var det 21 menneske på eitt rom.

Snuggen bnr. 17

I skogen litt sør og opp for Olsonplasse eller Søreng låg husmannsplassen Snuggen, no temmeleg attgrodd. Namnet kjem nok av at det «snugga» eller snodde der, som tyder på at plassen må ha lege verhardt til.

Ragnhild Olsdotter, som i 1846 vart enkje på søre Øyhus, overtok plassen Snuggen som livaursbruk og flytta hit med barna, sjå søre Øyhus 50/15. Snuggen vart utskild frå søre Øyhus i 1846, og seld til Ragnhild Olsdotter i 1847 for 220 spd.

I 1864 selde Ragnhild Olsdotter Snuggen til sonen *Ola Olson,* søre Øyhus 50/15, f 1834 g 1860 m *Anne Olsdotter Kristenbrøtin,* Kvålskleive, f 1834. Barn:

1. Ragnhild f 1860, til Amerika.
2. Inger f 1862.
3. Ole f 1864 gm Olea Andersdotter Kinn, sjå Tronsplassen 50/26.
5. Ole Andreas f 1866 d 1892 i skogsulykke.
6. Anne Marie f 1869 d 1885.
7. Oline f 1872, til Amerika.
8. Martin f 1877 d 1880.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 3 mål vassjuk åker og dyrka eng, 20 mål slåtteland, frå Brøto kom 1 skippund høy, hamninga var nokolunde tilstrekkeleg, dei lauva 200 kjerv,

bruket låg noko avsides, og var tungbrukt. I 1865 hadde dei 4 kyr og ungdyr, 4 sauer, og sådde 1/8 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

I 1867 er *Hallvor Olson Lundoeige* gm *Mari Arnesdotter Dokkebakkatn,* sjå Hølvegen 36/21, nemnde i *Snuggebrøta* av Øyhus, som sannsynlegvis var Snuggen.

Etter Ola Olson og familien hans er det ikkje nemnt folk meir i Snugge. I 1877 selde Ola Olson for 1200 kr. til *Nils Olson Øyhus.* Noverande eigar er Mikael Øyhus, sjå Kølplassen.

Liatn (Lio)

Langt til skogs, nokre hundre meter søraust for haustsetra Gråbeinrud, låg plassen Liatn, i kyrkjeboka i 1844 nemnd som «Øyhuslien». Husmannsfolk var då *Hølje Olson Tronhuseige* f 1795 d 1850 på Øyhuseige g 1825 m *Ingrid Arnesdotter Storøydgardseige,* Milevasslie 41/4, f 1799. Dei er før nemnde på Tronhuseige 1826 og på Fønnhuseige, rimeligvis Gullberg, 1828—36. Ingrid reiste til Amerika i 1857 med barna Siri og Kristafer og sonen Ola og familien hans. Barn:

1. Ola f 1826 g 1852 m Anne Bårdsdotter Ølmhuseige, Bjørke under Ølmhus, f 1825. Dei fekk barna Marit f 1853 og Sønnev f 1856 i Lio, og reiste til Amerika i 1857.
2. Arne f 1828 gm Sesel Hansdotter Islandsmoen, sjå Koparvikbrenne 50/2.
3. Ingebjørg f 1829, til Land 1852.
4. Siri f 1835, til Amerika 1857.
5. Kristafer f 1836, til Amerika 1857.
6. Marit f 1844 d 1850 i Lio.

I 1865 var *Jon Arneson Kambaeige* gm *Anne Andreasdotter Hølersetereige* husmannsfolk. Dei flytta til Smedmoen 50/23, sjå der.

I 1865 hadde dei 3 kyr og ungdyr, 5 sauer, 6 geiter, og sådde 1/16 tønne bygg, 1/8 tønne blandkorn og 1 1/2 tønne poteter.

Jon Arneson og familien hans er dei siste me kjenner i Lio. Rimelegvis var det Jon som flytta stugu til Smedmoen, sidan vart ho flytta til Åmot nedafor Hølerabruen. Seinare og fram til 1956 var Liatn heimseter for søre Øyhus.

No står ein del av ei gamal stugu, sett opp som tømmerhytte. Uthuset vart rive i 1970-åra. Det hadde fjøs under og fôrlyu oppå. *Jotomta,* der den gamle stugu stod, ligg nokre meter lengre opp.

Kølplassen

Namnet Kølplassen kjem av at Øyhusgardane brende køl her. Kølplassen var ein del av Snuggen, og var oppbygd ca. 150 m sør for flata med nokre åkerlappar der husa i Snugge stod. Husa i Snugge vart flytta til Kølplassen.

Dei fyrste som skal ha budd i Kølplasse, er *Nils Andersson Bagnseige,* Jukamseige, f 1823 d 1899 g 1853 m *Guri Kristafersdotter Dølveseige,* Køll 48/30, f 1830 d 1910. Guri budde dei siste åra som enkje i skulehuset i Hølera. Nils var også kalla Nils Rud av di han hadde bodd på plassen Rud på Øystre Bagn. Nils og Guri er nemnde på «Fossen» i 1857, deretter på Hølersetereige — Hølerseterhauge — frå 1859, og flytta ca. 1870 til Sveriplas-

sen, sjå der. I Sveriplasse var dei framleis i 1875, og kom seinare til Kølplassen. I 1891 er både Nils og sonen Anton oppførte som husmenn. Barn:

1. Inger f 1857 gm Gudbrand Tidemandson Seterbrøtin, sjå Juve 48/29.
2. Anne Sofie f 1859 gm Ole Tollefson Øyhuseige, sjå Moen 55/7.
3. Kristine f 1862 d 1864.
4. Anne Kristine f 1865 gm Gjermund Hansen, Rødalen, Trysil.
5. *Anton* f 1868 gm Maria Olsdotter Liabekklie, sjå Sveriplassen 50/32.
6. Kristafer f 1871 gm Maria Jeremiasdotter Bøensbrøtin, sjå Sveriplassen 50/32, til Amerika.

Mikkel Arneson og kona *Maria Nilsdotter* budde som livaursfolk i Kølplasse etter å ha selt søre Øyhus i 1908. Mikkel hadde vore eigar sidan 1888. Dei bygde til stugu, og nytt fjøs og låve.

I 1921 fekk sonen *Gunnar* og dottera *Johanne*, sjå søre Øyhus 50/15, skøyte, og budde her ei tid. Eigar no er son til Gunnar Øyhus, *Mikael Øyhus*.

Ei tid etter Gunnar og Johanne leigde *Harald O.A. Øyhus* og kona *Anne Martinsdotter* staden, og flytta herifrå i 1950-åra, sjå Kveberg 50/47. Sidan har Kølplassen stått tom.

Harald og Anne hadde opp til tre kyr, nokre sauer og kalvar. I tillegg til innmarka slo dei slette oppe i åsen, t.d. *Føldokkslettet* og *Snuggaslettet*. Ned til nørdre Øyhus gjekk ein snarveg ned ein hengjebratt bakke kalla *Brattstøyten*. Det som trongst til dagleg, bar Harald på ryggen opp denne stigen, medan tyngre ting vart køyrde opp tømmervegen. Harald kjøpte Hølerseterbrøtin med skogen til, og dreiv seinare i og levde av denne skogen.

Øyhuseige

Håvård Mikjelson Lundatn, Lundelie 50/12, f 1731 d 1773 som husmann på Øyhuseige g 1762 m *Siri Olsdotter Bagn,* Stryken under Ellendshauge, f 1736, er nemnde i Lien 1762, i Lundo 1764 og -66, og på Øyhus frå 1768. Barn:

1. Mikjel f 1762.
2. Beret f 1764.
3. Ola f 1768 gm Gunhild Mikjelsdotter Skaroeige, sjå Håvårdsonplassen under Skaro.

Lars Vilhelmson Bagnseige, Bagnsmoen, f 1745 g 1775 m *Beret Eivindsdotter Langedrag,* Tronhuseige, f 1749, er nemnde på Øyhuseige frå 1776. Barn:

1. Marit f 1776.
2. Hallstein f 1777.
3. Eivind f 1780.
4. Jøren f 1785.
5. Barbro f 1788.

Anders Eivindson Skarasetre gm *Gunhild Olsdotter Storøydgarden,* sjå Eivindsplassen under Ølmhus, er nemnde på Øyhuseige 1789—1806. I 1801 var dei husmannsfolk under søre Øyhus.

Per Arneson Langedrag gm *Anne Olsdotter Langedrag* er nemnde på Øyhuseige frå 1796, og var i 1801 hus-

mannsfolk under nørdre Øyhus. I 1803 kjøpte Per Nilsebøle 50/13, sjå der.

Nils Jonson gm *Gunhild Kristafersdotter* er nemnde på Hølersetereige 1814 og -15, og på Øyhuseige 1816 og -18, sjå Biribrenne under Storstøllien.

Arne Arneson Bagn, mogleg søre Leitet 47/2 og f 1784, d 1825 med bustad på Øyhus, drukna i elva, g 1810 m *Marit Høljesdotter Øyhus,* Flatseige, f 1783 d 1840. Arne og Marit er nemnde i Leite 1811, på Jukamseige 1814, på Bagn 1817 og på Øyhuseige frå 1820. Marit fekk i 1805 dottera Kari d 1810 med Harald Knutson, og i 1827 dottera Anne d 1827 m Mikjel Olson Fønnhus. Barn til Arne og Marit:

1. Beret f 1811.
2. Arne f 1814, til Kristiania for å gå inn i artilleriet 1832, g 1. m *Margrete Nilsdotter Breieseige,* sjå Eldebakkatn 22/6, g 2. m *Kjersti Olsdotter Lineikro,* sjå der.
3. Siri f 1817 gm Arne Hallvorson Bakkatn, sjå nedre Roo 15/2.
4. Anne f 1820 d 1823.
5. Hølje f 1823 d 1844.

Ivar Hallvorson Øyhuseige gm *Marit Narvesdotter Sørflatdalen,* sjå Sveriplassen 50/32.

Øyhus, ukjend bustad

Lars Henrikson frå Aurdal fekk i 1712 sonen Henrik med *Siri Andersdotter Øyhus.*

Lundatn

Oppe i lia nordvest for Øyhus ligg Lundebygde med fleire bruk. Lundatn er eit utmarksnamn, som rimelegvis kjem av at lauvholt og lundar gav staden særpreg. I dei eldste kjeldene blir det nett fortalt om utmarksbruk på ulike vis.

I åstadsaka på Øyhus mot Sjugurd Erikson Bagn i juni 1716, som galdt retten til både Øyhus og Lundatn, førte saksøkjaren, Kristafer Olson Øyhus på vegner av broren Bjørn Olson, vitne for at Lundatn frå gamalt hadde høyrt til Øyhus. Sjugurd Erikson, som åtte Øyhus, hevda derimot at Lundatn var ein eigedom for seg. Han hadde òg sjølv rydda der. I september 1707 var plassen skyldsett for 3 skinn. Domen gav Bjørn Olson rett til å løyse inn Øyhus med underliggjande Lundatn.

Fleire vitne prova i åstadsaka at Lundatn var brukt som haustseter under Øyhus. Hallstein og Ola Bjørnsøner Sørflate fortalde at far deira leigde skog av far til Kristafer og Bjørn Øyhus, Bjørn Arneson Øyhus, der dei hogg sagtømmer. Hallstein og Ola prova også at Bjørn Arneson og sønene hans hogg bråtar i Lundo, slo deretter gras der, hogg lauv og anna tilfang og førte alt saman frå Lundo til Øyhus.

Hans Hansson Brøtin og Ola Ellendson Setre fortalde at dei for om lag åttte år sidan no ved slåttonntida hadde vore på Øyhus etter å ha vorte bedne av Nils Olson Øyhus. Dei hadde forbode Sjugurd Erikson å rydde eller byggje noko i Lundo utover det som hadde vore der før. Deretter synfór retten plassen Lundatn. På åkeren kunne såast 3 tønner, og enga var opprydda av skog og mark, men hadde inga vidde sønnafor bekken. Arbeidet til Sjugurd på innmarka vart verdsett til høgst 40 rd. Ei stugu var bygd, men taket var dårleg, nep-

Vinterbilete frå Lundebygde sett mot Leirskoge. Fremst Tronsplassen og søre Lundatn nedafor. I dalbotnen Begna. På andre sida går høgspentlina oppover mot Skaro til Leirskogen.

pe dryppefritt, og vart vurdert til 14 rd. ettersom tømmeret var teke på staden. Eit fjøs vart vurdert til 12 rd., ein enkel låve med tilbygd skiku 8 rd., ein ny stall med trev 8 rd., ein gamal stall var flytta frå husværet nordafor bekken i Lundo til ein kostnad av 2 rd., i alt 84 rd.

I 1717 vart opplyst at Tøren Gudbrandsdotter, som for 60 år sidan budde på Langedrag, hadde hatt lottbruk med Bjørn Øyhus i Lundo.

Den fyrste som budde i Lundo, ser ut til å ha vore Gro Herbrandsdotter. På vintertinget i 1717, då saka mellom Øyhus-brørne og Sjugurd Erikson på nytt var reist, heiter det at Ola Bjørnson Øyhus — på Øyhus bruk II, d før 1699 — sette ned ei huskvinne ved namn Gro Herbrandsdotter på plassen Lundatn. Ho var den fyrste som rydda

nordafor bekken. Sjugurd Bagn betalde henne 12 rd. då ho flytta. Sønnafor bekken rydda derimot Sjugurd Bagn og tok opp åker. Både i samband med Gro og Sjugurd er det tale om plassen Lundatn, tilsynelatande éin plass. Men Gro hadde husa sine nordafor bekken, Sjugurd bygde på sørsida. Arne Andersson Åsen fortalde at Sjugurd hadde felt skog nordafor bekken, nedunder husværet Gro hadde hatt.

Gro Herbrandsdotter trulova 1693 m *Tåmås Nilsson Øyhus* f ca. 1657 d 1695 på Øyhuseigedom. Barn:

Herbrand f 1694 d 1713 på Bøen.

Gro Herbrandsdotter g 2. 1696 m *Steinar Olson* f ca. 1666 d 1706 på Øyhuseigedom. Dei er nemnde på Bagn 1697 og på Øyhus frå 1701. I ei sak om tømmerdammar i Hølerun i 1718 var Gro vitne, og heldt då til i Steinsetren eller på Steinsetereiga. Barn:

1. Ola f 1697 gm Beret Olsdotter (Hansdotter), sjå Steinsetereige.
2. Turi f 1701 gm Gudbrand Ivarson Braka, sjå Braka 44/bruk II.
3. Ivar f 1703 d 1703.
4. Sannsynlegvis Tåmås gm Siri Håvårdsdotter, sjå Tåmåsbrøtin under Steinsetren.

Etter dom i lagtinget, stadfesta av overhoffretten i 1718, skulle Sjugurd Erikson Bagn og Bjørn Olson Øyhus ha halvdelen av Øyhus og Lundatn kvar. I 1719 vart dei einige om at Bjørn åleine kunne overta Øyhus og Sjugurd Lundatn. Dele mellom Lundatn og Øyhus vart fastsett. Sjugurd plikta å gje Bjørn bygselsetel på Lundatn for livstid, og Bjørn kunne rydde så mykje i Lundo som han fann for godt.

Bjørn Olson var likevel mest interessert i å gjera slutt på eigedomsretten til Sjugurd Bagn, ikkje urimeleg etter all striden dei hadde hatt. Rett før jul 1720 vart dei forlikte om at Bjørn skulle få kjøpe Lundatn for 300 rd. 100 rd. vart betalt med ein gong, 100 rd. skulle betalast ved tida for Kristianiamarknaden, og resten hausten etter. Men Sjugurd nekta å ta imot pengane andre gongen. Då reiste Bjørn Olson sak, og i mars 1721 vart Sjugurd dømd til å la salet gå sin gang.

I 1723 selde Bjørn Olson Øyhus plassen *øvre* Lundatn til broren *Ola Olson*, sjå søre Øyhus 50/15, for 300 rd. Året etter selde Bjørn halve Øyhus med underliggjande Lundatn til *Anders Arneson Bagn*. Skylda er den same ved båe høve, 3 skinn, men nemninga *øvre* i 1723 talar for at sala gjeld to ulike partar. Gjennom andre kjelder framstår iallfall to bruk i Lundo, kvart av skyld 1 1/2 skinn, frå om lag dette tidsrommet. *Øvre* Lundatn i 1723 var nok seinare *nørdre* Lundatn, ettersom noverande *øvre* Lundatn vart utskild frå søre Lundo i 1842.

Nørdre Lundatn bnr. 11

Ola Olson Øyhus, sjå ovafor, brukte seinare søre Øyhus. Brukar i nørdre Lundo var *Ola Olson Ølmhus* f 1693 d 1752, son utanfor ekteskap til Ola Ivarson Ølmhus, sjå der, og Guro Olsdotter. Ola Olson g 1. 1724 m *Beret Kristafersdotter Langedrag* f 1698 d 1733 i Lundo. Barn:

1. Tøren f 1725 d 1726.

2. Ivar f 1726 gm Gunhild Arnesdotter Dølve, sjå Islandsmoen 48/12.
3. Ola f 1729.
4. Kristafer f 1730 d 1731.
5. Tøren f 1732.

Ola Olson g 2. 1736 m *Gunhild Olsdotter nørdre Fønnhus* f 1709 d 1775 i Lundo. Barn:

1. Ola f 1739.
2. Kristafer f 1740.
3. Arne f 1746.

I mars 1736 kjøpte *Kristafer Olson Øyhus* m.fl. nørdre Lundatn for 400 rd. på auksjon, sjå Ølmhus, kravd av madam Smidt på Bragernes på grunn av gjeld i skiftet etter Beret Kristafersdotter.

Bjørn Olson Øyhus, bror til Kristafer, kjøpte nørdre Lundatn av Kristafer og Erik Andersson Tronhussetre. I 1740 selde han 1 skinn for 240 rd. til Knut Kristenson Setre. Resten, eller 1/2 skinn, overdrog Bjørn i 1752 til Anders Arneson Bagn eller Storøydgarden, som i 1765 selde denne parten til Ola Olson Føss. I 1754 selde son til Bjørn Olson, Ola Bjørnson Piltingsrud, odelsretten til 1 skinn i nørdre Lundo til Knut Kristenson. I skøytet heiter det at Bjørn Olson hadde åtta og budd på denne parten av Lundatn.

Knut Kristenson Setre, Dølvesetre, f 1705 d 1788 i Lundo g 1. 1732 m *Siri Gunnarsdotter Dølveskamben* f 1709 d 1747. Dei er nemnde i Dølvesetren til 1741. Barn:

1. Ellend f 1733, bygdekunstnaren Ellend Knutson Landsend, g 1. m Kari Olsdotter Gravli, Viker, g 2. m Marit Olsdotter Landsend, sjå Fesholt 101/2.
2. Ellend f 1736.
3. Kristen f 1737.
4. Ingrid f 1741.
5. Eli f 1744.

Knut Kristenson g 2. 1747 m *Beret Olsdotter Ølmhus* f ca. 1714 d 1785. Barn:

1. Ola f 1748 gm Dorte Timannsdotter Storøydgarden, sjå øvre Storøydgarden.
2. *Anders* f 1750, neste brukar.
3. Knut f 1753 gm Anne Olsdotter Koparvike, sjå Lundoeige.
4. Gjermund f 1756.
5. Ola f 1758 g 1. m Beret Andersdotter Bagnseige, sjå Føss av Koparviken, g 2. m Kari Ellendsdotter nedre Storøydgardseige.
6. Arne f 1761 gm Ingrid Olsdotter Garthuseige, sjå Sveitn 43/2.
7. Siri f 1767 gm Arne Mikjelson Steinsetre, sjå Milevasslie 41/4.

Ola Olson Lundatn, eller Ølmhus, som hadde brukt nørdre Lundatn til 1736, gjorde fleire forsøk på å få erstatta uretten han meinte han hadde lidt. Men utan resultat, ser det ut for.

I 1745 stemna Ola m.a. tre som hadde kausjonert for han, fordi dei hadde late garden hans auksjonere bort, teke arrest i lausøyret og også selt dette på auksjonen.

I 1749 hadde Ola stemna fleire til synfaring i nørdre Lundo for å få verdsett og erstatta forbetringane i brukstida si. Kjøparane på auksjonen i 1736 opplyste at dei gjerne ville overlata garden til Ola att, når dei berre fekk att dei 400 rd. dei hadde utlagt.

Til vårtinget 1753 hadde Ola Olson Storøydgarden innstemna Knut Kristenson til å

erstatte han garden Lundatn. Det vart vist til forlik og avtale om at Knut skulle overlevere garden same år. Saka vart utsett.

I 1760 selde Knut Kristenson til *Bjørn Olson* og *Ola Kristaferson Øyhus* for 335 rd., men dei selde eit par månader attende til Knut for 386 rd.

I 1782 selde Knut Kristenson garden for 605 rd. og Svarttjednsetre for 25 rd. til sonen *Anders Knutson.* Av kjøpesummen skulle 200 rd. vera livaure til Knut og kona Beret.

I livaure skulle Anders årleg skaffe foreldra 2 1/2 tønner lettkorn, 2 tønner blandingskorn, 2 skjepper salt, 1 rd. 2 ort i pengar, 1 pund lin, og fø 3 kyr og 6 småkrøter.

Anders Knutson Lundatn f 1750 d 1823 g 1783 m *Ragnhild Jonsdotter Goplerud* f 1761 d 1830. I 1794 selde Anders Svarttjednsetre for 60 rd. til Ivar Olson. Barn:

1. Beret f 1784 gm Harald Knutson Lundatn, sjå Køldokke 48/7.
2. *Knut* f 1786, neste brukar.
3. Jon f 1788, mogleg d 1856 av tæring på Klukkarmoe.
4. Ingebjørg f 1790 gm Knut Olson Føss, sjå nedre Dølvesbergatn 48/20.
5. Marit f 1792 gm Guttorm Olson Dølve, sjå øvre Dølvesbrenne 48/14.
6. Ingrid f 1795 gm Kristafer Erikson Dølveseige, sjå Køll 48/30.
7. Anders f 1798 gm Anne Kristafersdotter Stanfinnmarke, sjå Smedmoen 50/23.
8. Ola f 1800.
9. Ola f 1801 gm Kari Knutsdotter, sjå Dokkebakkatn 48/9.
10. Arne f 1804.
11. Levor f 1805 gm Anne Knutsdotter Dølve, sjå øvre Lie 22/18.

I 1808 selde Anders Knutson for 600 rd. til sonen *Knut Andersson* f 1786 d 1861 g 1. 1816 m *Dorte Håvårdsdotter Storøydgarden,* Haugen 40/2, f 1786 d 1840. Ved skiftet etter Dorte var bruttoeiga 731 spd. og nettoeiga 571 spd. Barn:

1. *Anders* f 1817, neste brukar.
2. Håvård f 1821, hadde livaure i Lundo 1865, d 1892 i Lundo.
3. Sjugurd f 1824 gm Ingeborg Olsdotter Dikja i Hedalen.
4. Jon f 1826 g 1849 m Kari Østensdotter Øyhuseige, Trappopp under austre Piltingsrud, f 1824. Dei fekk i 1850 dottera Dorothea på Øylund, og reiste til Amerika i 1851.
5. Knut f 1830, til Amerika 1850.

Knut Andersson g 2. 1843 m *Siri Persdotter Brenne,* sjå Lundelie 50/12.

I oktober 1842 fekk Knut garden taksert. Dei sådde årleg 4—5 tønner bygg og 2—3 tønner poteter. Avlinga var 20—30 tønner bygg og 30—50 tønner poteter, og dei fødde 1 hest, 10 naut og 30 småkrøter. Garden hadde god skog og to husmannsplassar. Husa var gode. Jordvegen var taksert for 600 spd. og husa 150, til saman 750 spd.

Anders Knutson Lundatn f 1817 kjøpte garden av faren i 1842 for 400 spd., gm *Olea Knutsdotter.* Dei reiste til Amerika i 1850. Barn som me kjenner:

Pløying med «beite» i nørdre Lundo i 1958. Nikolai Bøhle og Andreas Lundene pløyer. Foran Kari og Gunn Lundene.

1. Knut f 1844.
2. Dorte f 1845.
3. Kristafer f 1848.

I 1849 selde Anders Knutson garden til brørne *Ola* og *Kristafer Olsøner* frå søre Lundo for 700 spd. Ola selde halvdelen sin til Kristafer for 350 spd. i 1853.

Kristafer Olson Lundatn, søre Lundatn 50/8, f 1817 g 1. 1848 m *Anne Olsdotter Tronhussetre,* Bråtån 67/9, f 1802 d 1862. Barn:

Ole Andreas f 1849, neste brukar.

Kristafer Olson g 2. 1864 m *Jøren Arnesdotter Øyhus,* sjå nedre Koparvike 50/4.

Kristafer Olson selde i 1860 for 400 spd. til sonen *Ole Andreas Kristofferson* f 1849 d 1925 g 1875 m *Ingeborg Olsdotter Erstad* f 1853 d 1928. Barn:

1. *Kristoffer* f 1877, neste brukar.
2. Anne f 1879 gm Ole Arneson Kløvrud.
3. Ole f 1881 gm Gunhild Andersdotter Sæteren, sjå søre Lundatn 50/8.
4. Guri f 1883 gm Anton Olson Langedrag.
5. Inger Bertine f 1885, til Amerika.
6. Anna f 1888 gm Mikael Haraldson Sørflaten, sjå Austeflate 28/4.
7. Olaf f 1890 d 1892.
8. Olava f 1892.
9. Olaf f 1895 gm Anne Andersdotter Sæteren, øvre Tronhussetre 54/5.
10. Sigrid f 1897 gm Ola Langedrag.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 16 mål ganske god åker og dyrka

På Lundotrøen på Svartsetren, setra til nørdre Lundatn. Maria Olsdotter Sveriplassen f 1868, til venstre, hadde krøtera sine der hjå Karine Lundene f 1882, i midten. Maria er sikkert på tur heimatt etter seterbesøk. Ingebjørg Olsdotter Lundene f Erstad 1853 og Olea Reiersdotter Islandsmoen f Dølven 1880, lengst til høgre, med ryggen mot, står med bundingar. Olea har kome frå grannesetra.

eng, 55 mål ganske godt slåtteland, frå Svartsetren kom 15 skippund høy, 2 tylfter grantømmer kunne hoggast, dei lauva 600 kjerv, og garden var noko frostlendt. I 1865 hadde dei 1 hest, 8 kyr og ungdyr, 15 sauer, 10 geiter, 1 gris, og sådde 1/8 tønne rug, 1/2 tønne bygg, 4 tønner blandkorn, 1/8 tønne erter og 4 tønner poteter.

Kristoffer O. Andreasson Lundene f 1877 fekk skøyte i 1911, g 1912 m *Karine Reiersdotter Dølven,* Dølve 48/1, f 1882. Barn:

1. *Ole Andreas* f 1913, neste brukar.
2. Ingebjørg f 1916 gm Trond Martinson Islandsmoen.
3. Inger Marie f 1920.

Ole Andreas Lundene f 1913, eigar frå 1942, gm *Marit Skar* f 1914 d 1987. Barn:

1. Kristoffer f 1942 gm Kari Listerud f 1946. Barn: Merethe f 1973. Dei har bygt nytt hus på garden.
2. Kari f 1945 gm Svein Wold, sjå nørdre Vøll 31/1.

Nørdre Lundatn, 300 m o.h., har 37 da. dyrka jord og 1133 da. skog. Gamle namn er *Beretbakkin, Svenskebrøtet, Kruggåker'n, Lundedal'n, Kvednahusdal'n, Nylykkja* og *Torsslettet.* Husa er ein gamal og ein ny bygning, låve, fjøs, stabbur, saghus og eldhus.

Den gamle setervegen til Svartsetre gjekk om Lundelie, oppover Heimå-

sen, over Fautmyre og over myrene til Svartseteråsen. Setra er framleis i bruk. Det var ikkje enkelt å få vera i fred for haugafolket på Svartsetren før i tida, og bua har vore flytta tre gonger.

Det vart snart fullt av tyskarar i Lundebygden då krigen rasa i Bagn i 1940. Kristoffer Lundene tok med seg alle sine og to hestar og ville rømme til Svartsetre. I Slettehallen møtte dei tyskarar som kom frå Myrvang, der ein tysk soldat hadde falle. Tyskarane var oppspilte og tok til å skyte. Alle frå Lundo kasta seg ned i snøen, men hestane vart skotne, og dei måtte gå frå det dei hadde med seg.

Nilsebøle bnr. 13

Nilsebøle under Bølesknatte har også vore kalla *Lundebøle,* men heiter i daglegtale no berre Bøle.

I 1803 selde Anders Knutson nørdre Lundatn halve plassen Nilsebøle til Per Arneson Øyhuseige for 352 rd. Per og kona Anne er før nemnde på Øyhuseige, i 1801 er dei oppførte på ein plass under nørdre Øyhus.

Per Arneson Øyhuseige, i 1794 kalla Langedrag, Torsrudkamben 30/21, f 1764 d 1854 g 1794 m *Anne Olsdotter Langedrag,* Finnhert 39/24, f 1759 d 1832. Båe døydde på Bøle. Barn:

1. Siri f 1796.
2. *Arne* f 1799, neste brukar.
3. Ragnhild f 1804 gm Gudbrand Gudbrandson Sørum, sjå nedre Berg 83/3.

I 1809 vart Nilsebøle skyldsett for 1/4 skinn. Per Arneson er då nemnd som seljar og Harald Knutson Kamben som kjøpar. Kjøpesummen var 1000 rd. Salet vart mogleg ikkje noko av, iallfall høyrer me ikkje om Harald Knutson på Bøle sidan.

Ved skiftet etter Anne Olsdotter i 1832 fekk sonen *Arne Person* f ca. 1803 heimel, g 1834 m *Ragnhild Olsdotter Hølersetereige,* Fønnhuseige, f 1812. Barn:

1. Per f 1835, kan vera den Per Arneson Bøle som i 1879 gifta seg i Hedalen med Margrethe Mathea Knutsdotter «Bjørnsplass».
2. Anne f 1838 gm Ola Bjørnson Ølmhuseige, sjå Bjødnaplassen under Ølmhus, til Amerika 1868.
3. Ola f 1841 gm Beret Olsdotter Storrustehuset, sjå under Aspholt.
4. Ingrid f 1843.
5. Arne f 1846.
6. Johan f 1849.

I 1851 selde Arne Person for 200 spd. til *Ola Olson Dølve* — «Markabondin», gm *Anne Olsdotter Bagn,* sjå Dølvesmarke 48/4. Ola vantreivst så fælt på Bøle, er det fortalt, han gjekk berre og såg over dalen til Marke att. I 1856 selde Ola for same sum som då han kjøpte, og fekk skøyte på Marke året etter. Seinare reiste familien til Amerika.

Eigar frå 1856 var *Kristian (Ole Kristian) Kristianson* f 1814, son til Jøren Arnesdotter nørdre Øyhus og Kristian Skinstad frå Nes på Hedemarken. Kristian Skinstad, f 1778 d 1822 på Nes, var befalingsmann på Bagnsmoe, kaptein i Valdreske skarpskyttarbataljon. Kristian d.y. fekk i 1845 sonen Kristian med Kjersti Olsdotter søre Øyhus, og kjøpte øvre Koparvike same år. Kristian d.y. gifta seg med *Maria Olsdotter Blakstveit* frå Viker i Åda-

Anne Nikolaisdotter Bøhle f 189 og Martin Andersson Bøhle på Tollevsrud då dottera Gunhild gifta seg.

len, f 1817. Familien reiste til Amerika i 1867. Barn:

1. Ola f 1845 fekk i 1866 dottera Berte Maria med Maria Isaksdotter Skjerstein.
2. Kristafer f 1847.
3. Inger f 1849 d 1851.
4. Arne f 1852.
5. Johan f 1854.
6. Kjersti f 1857 d 1861.
7. Martin f 1860.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 8 mål noko høglendt åker og dyrka eng, 30 mål ganske magert slåtteland, frå setrar og utmark kom 8 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, 1 tylft grantømmer kunne hoggast, dei lauva 200 kjerv, og garden var noko tungbrukt. I 1865 hadde dei 1 hest, 5 kyr og ungdyr, 12 sauer, 2 geiter, og sådde 1/16 tønne rug, 1/2 tønne bygg, 2 tønner blandkorn og 3 3/4 tønner poteter.

I 1867 selde Kristian Kristianson for 400 spd. til *Nikolai Svendson* f i Kila i Värmland 1837 d 1903, kalla «Bølessvensken», g 1867 m *Gunhild Johannesdotter nørdre Garthus* f 1840 d 1909. Nikolai brukte å slå isstorr på Tanterhaugtjedne når isen hadde lagt seg. Barn:

1. Anne f 1867 d 1868.
2. *Anne* f 1869, neste brukar.
3. Johannes f 1871 d 1873.
4. Berit f 1874 gm Anton Knutson Tollevsrudhaugen.
5. Johanne Marie f 1877 gm Ole Halvorson Hengja, sjå midtre Leistrud 22/8, til Amerika.

I 1904 selde Gunhild Johannesdotter til versonen *Martin Andersson Hagen,* Sveinsbrøtin under Åse, f 1874 d 1932, g 1896 m *Anne Nikolaisdotter Bøhle* f 1869 d 1959. Det er Martin som har arbeidt mest på jorda på Bøle. Han braut opp nesten alle åkrane, og var ein flink murar og steinhoggar. Barn:

1. *Nikolai* f 1896, neste brukar.
2. Inga f 1897 gm Erling Olson Dalen, sjå nørdre Nerøydgarden 40/1.
3. Anders f 1900 d 1958, bygde Slettmo i «Briskebye».

4. Gunhild f 1902 gm Anton Mikkelson Rustebakke, sjå Bergtun 66/5.
5. Arne f 1904 d 1911, gjekk seg bort i gjetsleskogen og drukna i Hølerun.
6. Bertine f 1906 d 1906.
7. Borghild f 1907 gm Arne O.A. Øyhus, sjå nørdre Øyhus 50/14.
8. Arne f 1911 gm Gudrun Olsdotter Kind, sjå Jøssheim 50/36.

Nikolai Martinson Bøhle, f 1896 d 1974, eigar frå 1938, g 1920 m *Kari Olsdotter Lien,* Knutsonlie 22/12, f 1900. Barn:

1. Anne f 1920 gm Ingemund Øyhus, sjå Øymoen 50/35.
2. Marie f 1922 gm Ola Skjærstein, sjå nedre Skjerstein 46/5.
3. Inger Bertine f 1924 g 1. m Anders Gjerdingen, Skørre 48/8. Dei har sonen Arne. Inger Bertine hadde frå før sonen Bjørn Koppervik. G 2. m Anton Engebretson Langødegården, sjå nørdre Langøydgarden 41/3.
4. Dagny f 1930 gm Gunnnar Haugen, nørdre Bøle 24/5, f 1924, sjå Ulestad, Skulejordet bustadfelt, Øystre Bagn.
5. Margit f 1932 gm Erik Sigurdson Hagadokken.

Eigarar no er *Nikolai Øyhus* f 1954, son til Anne og Ingemund Øyhus, gm *Kari Britt Olsdotter Olmhus* f 1955. Barn:

1. Mirian f 1978.
2. Bodil f 1980.

Bøle ligg brattlendt på leirhaldig moldjord, og har 18 da. dyrka jord, 250 da. heimskog og ein sameigeteig på 143 da. Rundt innmarka har det ofte gått skred. Ein stad heiter det *Styggskrea.* Før det kom bilveg, gjekk ein beinveg til Bøle gjennom Kvednahusdalen frå «Snelinna», som vegen opp til Lundebygde var kalla. Namn på åkrar og jorde er *Berglundåker'n, Søre åker'n* og *Myre.* Berglund er eit nedlagt bruk nørdst på Bølesjorde, sjå nedafor.

Om skogstykket *Tjuvestykket* på ca. 12 da. er det ei segn:

Ein mann frå Bøle skar spiregras i skogen til nørdre Lundatn i Kvednahusdale, og la graset under skreppelokket sitt. Graset skulle kyrne ha. Bonden i Lundo fekk sjå dette, og kravde at Bølesmannen skulle gje frå seg til nørdre Lundatn dette skogstykket for å erstatte spiregraset.

I skogen syner ei lita tomt kalla *Gakkatt* med merke etter stugu med kjellar, uthus og med små eikrer. Ingemund Øyhus fortalde at her hadde budd ein brennevinsbrennar. Folk frakta korn eller malt til han som han brende av. Dette var medan brennevinsbrenning var lovleg yrke.

Husa er stugu, flytta frå Berglund og påbygd ca. 1900, låve, ombygd ca. 1900, nytt bustadhus 1979, stabbur 1965 og smiu.

Den eldste setra, Roligsetre på Svartseteråse, fekk Ola Guttormson Brenne i pant av Kristian Kristianson i 1858 for 100 spd. Frå nørdre Øyhus kjøpte Nikolai Svendson deretter Bukfyllsetre, der han truleg braut opp vollen. Bukfyllsetre vart fråseld i 1958 til Ingemund Øyhus. Nikolai M. Bøhle bygde ny låve på setra og sette opp ny bu av stugu i Eivindsplasse. Setervegen til Bukfyll var før kløvjaveg om Hølersetre og vestover den «gamle leida».

Berglund bnr. 20

Nørdst på Bølesjorde låg bruket Berglund, der det framleis syner etter stugu- og fjøstomta. Berglund vart utskild frå Bøle i 1892, og seld same år med ein del av Bukfyllsetre til *Lars Larsson*. Salet hadde mogleg samanheng med at Lars, likeins med seljaren Nikolai Svendson, var svensk. I 1895 selde Lars bruket til Anne Nikolaisdotter på Bøle, og reiste til Amerika med ein stor familie, er det sagt.

Lundelie bnr. 12

Lundelie øvst i Lundebygden, 500 m o.h., er fyrste gong nemnd som plass i 1751. Då fekk Mikjel Håvårdson og kona Inger Gudbrandsdotter husmannssetel på plassen Lundelie for 2 rd. i årleg leige. Men Mikjel er nemnd på «Lunde» alt frå 1728, som rimelegvis var Lundelie.

Mikjel Håvårdson Øyhus, trulova Ølmhus, Bakke i Hedalen, f 1705 d 1773 på Ølmhuseige g 1. 1728 m *Beret Olsdotter*. I 1732 er Mikjel nemnd som husmann under Lundo, og var stemna for gjeld. Barn:

1. Tora f 1728.
2. Håvård f 1731 gm Siri Olsdotter Bagn, sjå Øyhuseige.
3. Siri f 1731?
4. Anne f 1736.
5. Anne f 1737.
6. Anne f 1739.
7. Ola f 1740.

Mikjel Håvårdson g 2. 1745 m *Inger Gudbrandsdotter Hølle* f ca. 1720 d 1774 på Ølmhuseige. Dei er nemnde på Lundoeiga til 1756, men var i 1766 på ein plass under Ølmhus, rimelegvis Ølmhusplassen. Barn:

1. Beret f 1746.
2. Gudbrand f 1750 g 1. m Siri Olsdotter Ølmhus, g 2. m Gudbjørg Olsdotter, sjå båe gonger Nevlingsmoen i Vassfaret.
3. Ingrid f 1753.
4. Gunnar f 1756 gm Beret Olsdotter Erstad, sjå Gunnarrud under Lillebraka.

Deretter er det uvisst om det budde nokon i Lundelien før *Knut Andersson* frå nørdre Lundo og den andre kona hans flytta hit og fekk bruket utskilt frå nørdre Lundo i 1844.

I juli 1843 vart Lundelie skyldsett. På åsen skulle Knut ha rett til å gjerde inn to små kveer eller lykkjer til gjerda på den gamle setra vart sette i stand. Den eine kvea hadde før vore gamal setervoll. Plassen hadde ikkje hus på setra utanom det livaurskontrakten fastsette, men eigaren hadde rett til å føre opp seterhus.

Knut Andersson g 2. 1843 m *Siri Persdotter Brenne,* søre Tronrud 25/1, f 1811 d 1902 i Lundelien. Barn:

1. Dorte f 1844 gm Ola Sjugurdson Jukamslie, sjå Haug 12/20.
2. *Per* f 1847, neste brukar.

Siri Persdotter g 2. 1862 m *Ola Andersson søre Tronrud,* som også var enkjemann, f i Føss(e)brøta i Aurdal ca. 1796 d 1886. Dei var brukarar i 1865, men Knut Andersson hadde alt i 1855 selt bruket til sonen Per for 50 spd.

Lundelie øvst i Lundebygden, ca. 1940.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 3 mål høglendt og vassjuk åker og dyrka eng, 25 mål ikkje dårleg slåtteland, 1 tylft grantømmer kunne hoggast, dei lauva 200 kjerv, og bruket låg noko avsides. I 1865 hadde dei 3 kyr og ungdyr, 6 sauer, 6 geiter, og sådde 1/16 tønne rug, 1/2 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

Per Knutson Lundelie f 1847 d 1924 g 1875 m *Berte Evensdotter Rustebakkeige,* Vika under Rustebakke, f 1849 d 1933. Barn:

1. Sigrid f 1876 d 1890.
2. Anne Karine f 1879 d 1879.
3. *Knut* f 1882, neste brukar.
4. Ole f 1884 d 1932.
5. Sigurd f 1890 gm Helga Kristoffersdotter Vasslia, Nordre Land, sjå Søreng 50/30.

Knut Pederson Lundelien f 1882 d 1955, eigar frå 1921, g 1917 m *Guri Maria Bjørnsplassen,* dotter til Olea Hansdotter Dølvesskaret, f 1885 d 1973. Barn:

1. *Peder* f 1919, neste brukar.
2. Mikkel f 1921 gm Borgny Lundelien, sjå Maurstad 50/41.
3. Bertha f 1924 gm Hans Larsen, sjå Vabrøtin 39/49.
4. Martin f 1927 gm Inga Nilsen, sjå Fjellvang 50/49.

Peder Lundelien gm *Åsta Sørum.* Peder overtok etter faren, og dreiv bruket saman med mora til kring 1970. Dei hadde to—tre kyr, og hest mest

heile tida. Sidan har Lundelie stått tom og vore feriestad. Det kom bilveg i 1954.

Lundelie har 15 da. innmark og 300 da. skog. Husa er eit gamalt tømra våningshus i to høgder, eit gamalt stabbur, og låve og fjøs kvar for seg. Det er seter på store Bukfyll.

Tronsplassen bnr. 26

Tronsplassen, opp for nørdre Lundo, har sannsynlegvis namn etter Trond Bottolvson, som var husmann her om lag 30 år. Trond er fyrste gong nemnd på Lundoeige i 1773, og budde framleis som husmann på ein plass under nørdre Lundo i 1801.

Kan hende var Trond Bottolvson ikkje den fyrste her. *Ola Arneson Ølmhus* g 1761 m *Beret Evensdotter Tronhus* f 1735, dotter til Even Olson Garthus og Rønnaug Olsdotter, er nemnde på ein plass under nørdre Lundo frå 1765, i lista frå ekstraskatten 1766 under nørdre Lundo. I 1762 var dei på ein stad under Øyhus. I 1801 var Beret enkje, og både ho og dottera Rønnaug med familien hennar budde som innerstar og arbeidsfolk på plassen der Trond var husmann. Barn til Ola og Beret:

1. Rønnaug f 1762 gm Simen Olson Lundatn, sjå nedafor. I 1788 fekk Rønnaug dottera Tora med Anders Olson Rundhaug.
2. Anne f 1765.

Trond Bottolvson Skrukkelia f 1730 d 1801 på Lundoeige g 1. 1757 m *Tøren (Taran) Olsdotter.* Trond er vel den som i tradisjonen har vore kalla «Tronseguten», og var kølbrennar, godkar og lausdansar. Dei er nemnde på Lundoeige frå 1773, tidlegare på ein plass under Dølve 1758, -60 og -69, og på Tronrudeige 1763—67. Barn:

1. Ola f 1758.
2. Guri f 1760.
3. Beret f 1763.
4. Ola f 1766.
5. Siri f 1767.
6. Ola f 1769 gm Gudbjørg Jonsdotter Garthuseige, sjå Dølveseige.
7. Sjugurd f 1773 d 1773.

Trond Bottolvson g 2. 1782 m *Åste Arnesdotter,* mogleg frå Gladhaug og f 1749, d 1801.

Simen Olson søre Lundatn f 1754 g 1795 m *Rønnaug Olsdotter,* sjå ovafor, f 1762, var innerstar i 1801. Barn:

1. Ola f 1792.
2. Ola f 1796 d 1796.
3. Arne f 1797 d 1797.
4. Ola f 1797, tvilling med Arne, d 1797.
5. Ragnhild f 1798.
6. Ola f 1799, i 1822 til Lier prestegjeld, soldat frå Lundoeige.

Kristafer Jensson Hølersetereige gm *Ingrid Sjugurdsdotter,* sjå Gunhildbrøtin under Hølersetren, er nemnde på Øyhuseige frå 1816, som kan ha vore Tronsplassen.

I Tronsplasse er iallfall sonen *Kristafer Kristaferson* og verdottera *Ågot Gulsdotter Åseneige* nemnde 1848—55, sjå Leiteplassen 47/7. Kristafer var kalla Øyhuseige då han gifta seg i 1847.

Gunnar Olson Lundehalle gm *Lisbet Olsdotter* var på Tronhuseige 1860, men nemnde som husmannsfolk i

Barna til Ole Olson Tronsplassen f 1864 og Olea Andersdotter f Kinn 1868. Frå venstre Arne, Gudrun, Anne, Olaf, Ola, Harald og Einar.

Tronsplasse frå 1863, og var her også i 1875. I 1891 var dei i Ivarsbrøta 55/4, sjå der.

I 1865 hadde dei 2 kyr, 7 sauer, 2 geiter, og sådde 1/8 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 1 1/4 tønne poteter.

Ole Olson Snuggen f 1864 d 1924 g 1896 m *Olea Andersdotter Kinn* f 1868 d 1947, var i Kinn 1896, i Sørflatdokken 1898 og er nemnde i Tronsplasse frå 1900. Ole Olson hadde vore i Amerika, men ville attende og kjøpe Snuggen, der han hadde vakse opp. I staden fekk Ole kjøpe Tronsplassen. Det skjedde i 1905 etter skylddeling same år. Ole braut opp 8—9 da. jord, og bygde alle husa. Dei kjøpte setra Midtvøllen ved Hølervatnet, opphavleg komen frå Ølmhus. Barn:

1. Anne f 1896, g 1. m Erik Lappegård, Hallingdal, g 2. m Sveinung Oland, Seljord. Anne og båe mennene var lærarar i Varteig i Østfold.
2. *Olaf* f 1898, neste brukar.
3. Arne f 1900 gm Ingrid Olsdotter Hesjadalen.
4. Harald f 1902 gm Olga Johansdotter Åmot, sjå Oppheim 53/33.
5. Ola f 1904 gm Olga Hesjadalen, sjå Solheim 54/18.
6. Gudrun f 1907 gm Einar Olson Gladhaug, sjå søre Vøll 32/7.
7. Einar f 1910 gm Gudrun Thomasdotter Langedrag, sjå Bergen, Gastgjevarhaugen.
8. Ragna f 1913.

Olaf Olson Tronsplass f 1898 d 1974 fekk skøyte i 1924, og dreiv som småbrukar til kring 1970. Sidan har bruket stått tomt. Olaf var også sagmeister og tømmermann. Buskapen før var tre kyr. Innmarka er 12 da.

Eigar frå 1970 er *Terje Olav Tronsplass,* son til Einar og Gudrun Tronsplass.

Søre Lundatn bnr. 8

I striden mellom Sjugurd Erikson Bagn og Øyhus-brørne i åra før 1720 høyrer me om ein part av Lundatn som låg sønnafor bekken, sjå ovafor under Lundatn. Seinast i byrjinga av 1720-åra var då denne parten oppfatta som ein eigedom for seg.

I 1724 selde Bjørn Olson Øyhus søre Øyhus med underliggjande Lundatn, som må ha vore søre Lundatn, til *Anders Arneson Bagn.* Anders Bagn budde korkje på Øyhus eller i Lundo. I Lundo — søre Lundo — er derimot *Knut Kristaferson* og kona *Siri Olsdotter* nemnde frå 1726. I 1754 kjøpte Knut austre Piltingsrud, sjå der, saman med sonen Kristafer.

Knut Kristaferson vart fyrst eigar i 1747 då han kjøpte 1 skinn i søre Lundo av Bjørn Olson Øyhus for 123 rd. Same dato selde Bjørn og Knut 1/2 skinn, kalla Koparvike, for 180 rd. til Arne Olson Øyhus. Dette var halve Koparvike, den andre halvdelen kom frå nørdre Lundo. I 1749 selde Knut engeslettet Rennebrøtin med ei lyu på til Anders Arneson Bagn for 26 rd.

Knut Kristaferson selde i 1750 søre Lundatn for 200 rd. til *Knut Ellendson Tronhus.* I 1752 selde Knut Ellendson, då kalla Lundatn, for 221 rd. til *Ola Olson Øyhus,* som året etter selde for 269 rd. til Ola Simenson Skaratn. Unnatekne frå salet var engelandet Rennebrøtin og fjerdedelen av setra Smettbak, som tidlegare hadde høyrt til søre Lundatn.

Ola Simenson Skaratn f 1723 d 1756 i Lundo g 1752 m *Ragnhild Kristafersdotter nørdre Øyhus* f 1733 d 1803 i Lundo. Ved skiftet etter Ola Simenson i 1756 var bruttoeiga 401 rd. og nettoeiga 161 rd. Som enkje fekk Ragnhild sonen Ola i 1758 med Jakob Nilsson Skanes frå Ringerike. Barn:

1. Kari f 1752.
2. Simen f 1754 gm Rønnaug Olsdotter Leitet, sjå Tronsplassen 50/26. Simen fekk i 1779 sonen Ola med Gunhild Olsdotter Tronrud, og i 1791 dottera Ragnhild med Gudbjørg Jonsdotter Jøranbyeige.
3. Ragnhild f 1756 gm Amund Olson Tronhuseige, sjå Eidsbrøtin.

Det er fortalt at den eldste sonen til Ragnhild og Ola — det må i så fall vera Simen — fekk ein 3-årings okse i staden for odelsretten. Simen skulle vera ein godkar, og må nok ha vore både gladlynt og lettliva. Ein gong hadde han måtta gå spissrotgang på Bagnsmoe, ei hending meint til spott og skam for syndaren som skulle straffast. Men Simen tok det ikkje verre enn han gjorde rundkast over hovudet då han var komen gjennom.

Ragnhild Kristafersdotter g 2. 1763 m *Lars Person søre Tronrud* f 1738 d 1802. Ved skiftet etter Lars i 1802 var bruttoeiga 800 rd. og nettoeiga 672 rd. Barn:

1. Gunhild f 1764 d ung.
2. Kari f 1766 gm Mikjel Andersson Tronhus, sjå Klauvstad bruk I.
3. Siri f 1770 g 1. m Ola Olson Ølmhus, g 2. m Ola Olson øvre Brattrud.
4. Gunhild f 1773 gm Ola Ivarson Dølve, sjå Vilhelmsbrøtin 40/3.
5. *Ola* f 1778, neste brukar.

Frå setra Veneslette på Veståse i 1957. Ole A. Lundene i søre Lundo f 1881 sagar ved på gamaldags sagkrakk, og får hjelp av barnebarnet Gunn Oddveig f 1953. Ole og kona Gunhild var på setra heile sumaren, der Gunhild var budeie i 52 år.

I 1801 selde Lars for 399 rd. til sonen *Ola Larsson* f 1778 d 1868 g 1806 m *Anne Eriksdotter søre Torsrud* f 1786 d 1871. Barn:

1. *Lars* f 1807, neste brukar.
2. Erik f 1809 gm Anne Haraldsdotter Velingsrud, sjå øvre Lundatn 50/10.
3. Ragnhild f 1812 gm Ola Larsson søre Øyhus.
4. Ola f 1814 gm Kari Arnesdotter Øyhus, sjå øvre Koparvike 50/1.
5. Kristafer f 1817 g 1. m Anne Olsdotter Tronhussetre, sjå nørdre Lundatn 50/11, g 2. m Jøren Arnesdotter Øyhus, sjå nedre Koparvike 50/4.
6. Siri f 1820 gm Anders Olson Bjørgo.

Ved skylddeling i 1842 vart øvre Lundatn og Øylund utskilde. Frå same år overtok *Lars Olson* f 1807 d 1876 søre Lundatn for 200 spd., g 1838 m *Siri Haraldsdotter Torsrud,* Torsrud 30/4, f 1817 d 1904. Barn:

1. Ola f 1839 d 1870, drepen av lyn ved Hølervatnet.
2. Anne f 1843 gm Hans Olson nedre Koparvike.
3. Beret f 1846 gm Erik Narveson Sørflatdalen.
4. *Harald* f 1855, neste brukar.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 12 mål noko vassjuk åker og dyrka eng, 60 mål vanleg slåtteland, frå utmarka kom 15 skippund høy, 2 tylfter grantømmer kunne hoggast, dei lauva 800 kjerv, og garden låg litt avsides. I 1865 hadde dei 1 hest, 8 naut, 9 sauer, 9 geiter, 1 gris, og sådde 1/16 tønne rug, 3/4 tønne bygg, 2/1/2 tønner blandkorn og 3 3/4 tønner poteter.

I 1875 selde Lars til sonen *Harald Larsson Lundatn* f 1855 d 1917, kalla «Søre Lundin», ein kjempekar av krefter.

Harald selde i 1916 til *Ole O.A. Kristofferson* frå nørdre Lundo f 1881 d 1961 g 1913 m *Gunhild Andersdotter Sæteren,* øvre Tronhussetre 54/5, f 1889. Barn:

1. Margit f 1915 gm Gunnar Øyhus.
2. Ingebjørg f 1915, tvilling med Margit, gm Svein Lien.
3. *Asbjørn* f 1917, neste brukar.
4. Anders f 1929 gm Astrid Borhaug, Nannestad.

Asbjørn Lundene f 1917, eigar frå 1946, g 1948 m *Gerd Liabø,* Asker, f 1922 d 1982. Barn:

Gunn Oddveig f 1953 gm Sverre Gladhaug.

Søre Lundatn har 50 da. innmark i austvend, dels noko bratt helling, og ca. 800 da. produktiv skog. Namn i innmarka er *Sjursåker'n, Nylendet, Kjeldeåker'n* og *Badstuguåker'n.* Med unnatak av *Sjursåker'n*, som er dyrka saman med resten av innmarka, er dei andre jordstykka utlagde til hamne.

Det gamle tunet låg øvst på jordet, og vart nedflytta i 1923 til ein noko flatare avsats. Bygningen er frå 1923, låven og stabburet er eldre og frå det gamle tunet.

Setra Veneslette ved Hølervatnet har høyrt til garden frå gamalt. Her vart rydda 13 da. i 1962. Fyrst i 1970-åra vart drifta omlagd frå mjølkeproduksjon til sauehald.

Lundberg bnr. 9

Bustadhus frå 1957 på tomt utskild frå søre Lundo 1956. Eigarar er *Gunnar Øilund* f 1914 gm *Johanne Hermundsgård,* Nesbyen, f 1918. Barn:

1. Karin f 1951 gm Torgeir Langedrag, søre Øyhus 50/15, busette på Leira.
1. Ingeborg f 1951, tvilling med Karin, gm Harald Tørrisplass, Bromma, busette i Hallingdal.

Øylund bnr. 9

Øylund er samansett ved to kjøp: 1. I 1834 kjøpte Arne Olson ein del av nørdre Øyhus, som omfatta plassen øvre Klypa med ein skogteig ovafor, eit stykke mark på sørsida nedover til Øyhusberget, kalla *Dekkatn,* halvdelen i ein skogteig — Føldokke, setra Gråbeinrud med påståande hus, og rett til å rydde seter ved vestre Øyhussetre. Denne eigedomen er i matrikkelen 1838 kalla Øylund, og hadde ei ei skyld av 3 ort 21 skilling. 2. I 1842 kjøpte Arne for 100 spd. noko areal frå søre Lundo, skyldsett same år for 12 skilling. Det sistnemnde kjøpet omfatta ein «plads kaldet Øylund» og ein del av sameigemarka Føldokke.

Det finst også munnleg tradisjon i Lundebygden om korleis Øylund vart til. Her

Tunet i Øylund ca. 1900.

blir det sagt at arealet frå Lundo galdt *Lundehalle,* som Arne løyste inn eit pantebrev på. Arne ville byggje i Klypun. Men det protesterte Guri mot. Ho ville ikkje bli kalla «Guri i Klypun». Arne gav seg, og dei bygde i Lundehallen og kalla bruket Øylund. Det kom av at noko var frå Øyhus og noko frå Lundo.

Tradisjonen kan i hovudsak vera rett. I det siste skøytet, frå 1842, er Arne kalla Øylund, og handelen gjeld plassen med same namn. Det tyder på at det var her, på arealet frå Lundo, dei bygde, slik det har vore fortalt. Skøyte fekk Arne i så fall på etterskot. Derimot er *Lundehalle,* sjå der, kjend som husmannsplass etter 1842. Skal tradisjon og skriftlege kjelder passe saman, må Arne berre ha overteke ein del av Lundehalle, og iallfall ikkje sjølve bustaden.

Arne Olson Føss f 1797 d 1872 g 1836 m *Guri Olsdotter Kamben,* Ellendshaugen 37/2, f 1813 d 1895. Barn:

1. Marit f 1837, mogleg til Amerika 1858.
2. *Ola* f 1839, neste brukar.
3. Guri f 1842 gm Hallvor Sjugurdson Tollevsrudenga.
4. Anne f 1845 d 1846.
5. Anne f 1847 gm Knut Olson Personsetre.
6. Ole Andreas f 1850 gm Marit Sjugurdsdotter Hesjabakken, sjå Storbråtån under nørdre Haugsrud.
7. Mikkel f 1853 gm Maria Nilsdotter søre Øyhus.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 6 mål vassjuk åker og dyrka eng, 40 mål ganske magert slåtteland, frå

Kari Øilund f 1884 med krøter på tunet i Øylund, ca. 1965.

Fløtesetren og Bukfyll kom 5 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, 2 tylfter grantømmer kunne hoggast, dei lauva 300 kjerv, og bruket låg noko avsides og var tungbrukt. I 1865 hadde dei 5 naut, 10 sauer, 4 geiter, og sådde 1/16 tønne rug, 1/2 tønne bygg, 1 1/4 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

I 1869 selde Arne Olson for 200 spd. til sonen *Ola Arneson* f 1839 d 1920 g 1874 m *Gjartrud Olsdotter søre Øyhus* f 1846 d 1921. Barn:

1. Torine f 1874 gm Anton Hansson Nordbyhaugen, Hedalen.
2. Guri f 1876 gm Ole Andreas Olson Setereige, Skreddarbrøtin under øvre Tronhussetren, f 1864, til Amerika.
3. Ole Andreas f 1877 gm Sigrid Veggersdotter Midtmoen, sjå der, til Amerika.
4. *Olaus* f 1880, neste brukar.
5. Olaf f 1888 gm Inga Reiersdotter Dølven, sjå Dølvesbrøtin 48/19.

Olaus Olson Øilund f 1880 d 1955, eigar frå 1910 g 1909 m *Kari Kristoffersdotter Koppervik,* midtre Koparvike 50/5, f 1884 d 1975. Barn:

1. Ole f 1909 d 1927.
2. Kristoffer f 1912 gm Hilda Olson, Furuøya, Nes i Ådalen.
3. Gunnar f 1914 gm Johanne Hermundsgård, Nesbyen, sjå Lundberg 50/9.
4. Sigurd f 1916.
5. Gudrun f 1920.
6. *Arne* f 1922, neste brukar, eigar frå 1955.
7. Ragna f 1925 gm Anders Seigen.

Øylund har 15 da. innmark, ca. 300 da. heimskog, og er medeigar i privatsameiga Føldokke mellom Hølersetre og Grånlie. I 1874 kjøpte Ola Arneson setra Erstadrødningen med ein skogteig på 430 da. Setra var i bruk til 1975. Olaus Øilund rydda og bygde vollen Liarvøll fyrst i 1930-åra, der det vart teke nokså store høyavlingar. I 1949 vart vollen utlagd. Bua vart ombygd til hytte, og eigedomen er no fråseld. Ved Fløtesetre ligg eit jordstykke på 14 da., *Husmannsvøllen,* kjøpt av den fyrste Arne Olson.

Den eldste gardsvegen tok av mellom Lundogardane. I 1967 vart det bygt ein ny og flatare veg frå øvre Lundo.

Øvre Lundatn bnr. 10

Øvre Lundatn vart utskild frå søre Lundo i 1842, og seld same år for 100 spd. av Ola Larsson Lundatn til sonen *Erik Olson* f 1809 d 1862 g 1843 m *Anne Haraldsdotter Velingsrud* f 1825 d 1913. Barn:

1. Ola f 1844 gm Marit Isaksdotter nedre Skjerstein.
2. *Harald* f 1846, neste brukar.
3. Anton f 1851 gm Marit Mikjelsdotter Brattrud, sjå søre Brattrud 23/7.
4. Andreas f 1853, til Amerika.
5. Lars f 1856, til Amerika.
6. Martin f 1859, bokseljar.
7. Anne f 1862.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 8 mål mager og høglendt åker og dyrka eng, 40 mål magert slåtteland, frå Lundehauge og haustsetren kom 17 skippund høy, hamninga var nokolun-



Harald Erikson Lundene i øvre Lundo f 1846.

Familien i øvre Lundo i 1916. Frå venstre Ingebjørg, Guri f Røang 1877, Marit, Harald, tvillingbror til Ingebjørg, og Ole Andreas f Skjærstein 1877 med sonen Ole Andreas på fanget. Det femte barnet, Erik, var også fødd. Han var eitt år, men redd for fotografen og ville ikkje vera med.

Frå Brøtasetre til øvre Lundo 1940—41. Buskapen skal til skogs om morgonen. Fra venstre Borgny Lundelien, som er medhjelpar, og Guri Skjærstein.

de tilstrekkeleg, 1 tylft grantømmer kunne hoggast, og dei lauva 200 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 6 naut, 8 sauer, 12 geiter, 1 gris, og sådde 1/2 tønne bygg, 1 3/4 tønne blandkorn, 1/16 tønne erter og 3 3/4 tønner poteter.

Anne Haraldsdotter selde i 1873 for 250 spd. til sonen *Harald Erikson* f 1846 d 1927 g 1881 m *Ingebjørg Tåmåsdotter Langedrag* f 1839 d 1911.

Harald Erikson selde i 1913 til brorsonen *Ole Andreas Olson Skjærstein,* nedre Skjerstein 46/5, f 1877 d 1954 g 1909 m *Guri Eriksdotter Røang,* nedre Roo 15/2, f 1877 d 1957. Barn:

1. Ingebjørg f 1910 gm Ola Midtmoen, Vestringsbygde.
2. *Harald* f 1910 d 1984, tvilling med Ingebjørg, neste eigar.
3. Marit f 1912 gm Martin Dammen, Nes i Ådalen.
4. Ole Andreas f 1913 gm *Marie Bøhle,* sjå nedre Skjerstein 46/5.
5. *Erik* f 1915 gm *Ingebjørg Milevasslien* f 1922, bur i Lundo. Dei har sonen Tom Audun f 1961.
6. Sigvart f 1916 gm Arnbjørg Østgård, Austegarden 12/10.
7. Anne f 1920 gm Gudbrand Lie, sjå øvre Torsrud 30/16.

Øvre Lundatn har 30 da. innmark og 800 da. skog. Det var mjølkeproduksjon til 1960-åra, seinare har jorda vore bortleigd.

Tunet stod før noko høgre opp, og vart flytta ned til ein flatare og meir

solrik stad. Husa er bygning 1956, uthus 1940, ei gamal stugu, eit gamalt stabbur, og gardssag 1956.

Ved delinga mellom søre og øvre Lundatn fekk øvre Lundatn den eine setra, Lundehaugen ved Hølervatnet. Setra kom seinare på handel, og øvre Lundatn kjøpte Brøtasetre av Fønnhus.

Søreng (før Olsonplassen) bnr. 30

Søreng litt sør og opp for Øylund er den tidlegare husmannsplassen *Olsonplassen.* I 1801 var *Ola Gunnarson,* mogleg frå Islandsmoe og f 1739, og kona *Guri Olsdotter* husmannsfolk på ein plass under søre Lundo. Dei er nemnde både på Øyhuseige og Lundoeige frå 1776. Sonen Ola var husmann på Lundoeige, som ut frå andre opplysningar må ha vore Olsonplassen. Det ligg då nær å tru også far hans hadde vore husmann her. Barn til Ola Gunnarson og Guri Olsdotter:

1. Ola f 1776 drukna 1785.
2. Ågot f 1782.
3. Anne f 1786.
4. *Ola* f 1789, neste husmann.
5. Guri f 1794.
6. Marit f 1798 gm Jakob Østenson Tronhussetre, sjå Klubberud under Garthus.

Ola Olson Lundoeige f 1789 d 1867 g 1. 1816 m *Marit Arnesdotter øvre Dølve,* Dølve bruk I, f 1793. Barn:

1. Ola f 1816.
2. Guri f 1821.
3. Arne f 1824.
4. Gunnar f 1826 gm Lisbet Olsdotter, sjå Ivarsbrøtin 55/4.

Ola Olson g 2. 1828 m *Kari Hallvorsdotter Øyhuseige,* Sveriplassen 50/32, f 1800 d 1881. Dei er nemnde på Lundoeige til 1836, men var i 1844 i Snugge. I 1865 hadde Ola og Kari varmt hus og legd i Olsonplasse. Ola kan vera den Ola Olson Lundoeige som i 1837 fekk dottera Olea d 1837 med Marit Narvesdotter Øyhuseige. Barn:

1. Hallvor f 1829.
2. Hallvor f 1832 gm Mari Arnesdotter Dokkebakkatn, sjå Hølvegen 36/21.
3. Marit f 1836.
4. Ola f 1844.

Husmannsfolk i 1865 var *Mikjel Olson Jukamseige,* Hølerseterhaugen, f 1814 g 1839 m *Olea Olsdotter Sørflatseige,* Turibrøtin 27/5, f 1808 d 1884 på Lundoeige. Barn:

1. Ola f 1843 g 1. m Ingebjørg Knutsdotter Kambaskaret, sjå Ølmhuseige, g 2. m Siri Ellendsdotter, sjå Rosenlund 36/7.
2. Oline f 1846 d 1846.
3. Nils f 1847 g 1872 m Gunhild Sjugurdsdotter Hellandshølen f 1845. Dei er nemde på Øyhus 1873 og -74. Barn desse åra: Ole Magnus f 1873 og Iver f 1874. Nils er venteleg den Nils Mikjelson som døydde før jul 1925 etter å ha ført eit omflakkande liv. Han reiste fleire gonger over Atlanteren, og budde ulike stader i Amerika. På sine eldre dagar kjøpte han ein parsell av eigedomen Nøss

på Veståsen i Nordre Land. (Valdres 9.3.1926.)
4. Inger f 1850.

I 1865 hadde dei 1 hest, 1 naut, 4 sauer, og sådde 1/4 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

Anton Nilsson Kølplassen gm *Maria Olsdotter Liabekklie* er nemnde på Lundoeige, eller Olsonplassen, frå 1892 til 1901, og i 1903 i Sveriplasse, sjå der.

I 1922 kjøpte *Sigurd Pederson Lundelien* f 1890 d 1977 Olsonplassen etter skylddeling året før, og kalla bruket Søreng. Gm *Helga Kristoffersdotter Vasslien,* Nordre Land, f 1903 d 1959. Sigurd sette opp ein tømra bygning i halvanna høgd, og bygde fjøs på den gamle låven. Barn:

1. Per f 1928 d 1966.
2. Borgny f 1930 gm Mikkel Lundelien, sjå Maurstad 50/41.
3. *Kristoffer* f 1937, neste eigar.

Søreng har 10 da. innmark, som ikkje har vore i bruk etter at bruket vart fråflytta i 1975. Buskapen var tre kyr. Til Søreng høyrer setra Røvangen.

Lundehalle

Om plassen Lundehalle veit me at det budde folk der i 1840- og -50 åra. Ein husmannskontrakt frå 2. mars 1850, tinglest i 1861, syner at plassen då høyrde under søre og øvre Lundo. Av kontrakten går det fram at plassen skal overtakast med rettar som han før hadde vore brukt. Øvre Lundo vart utskild frå søre Lundo i 1842. Er plassen eldre, må han difor før ha høyrt under søre Lundo.

I 1865 budde husmannsfolka som fekk kontrakt i 1850, Mikjel Olson og Olea Olsdotter, i Olsonplasse. Lundehalle er ikkje nemnd i folketeljinga dette året, heller ikkje seinare, og må ha vorte nedlagd tidleg.

Det finst ein munnleg tradisjon om at Lundehalle gjekk inn i Øylund, sjå der. Det må i så fall ha vore berre ein del av plassen. For Øylund vart kjøpt i 1838 og -42, medan den nemnde husmannskontrakten på Lundehalle er frå 1850.

Husmannsfolka me kjenner i Lundehallen, er fyrst *Bjørn Olson Ølmhuseige* gm *Gjartrud Olsdotter Sørflatseige,* sjå Bjødnaplassen under Ølmhus. Dei er nemnde på Lundoeige 1840 og seinare i Lundehallen til 1849.

Mikjel Olson Jukamseige og kona *Olea Olsdotter Sørflatseige* fekk kontrakt for levetida si i 1850, sjå Søreng (Olsonplassen) 50/30.

Lundoeige

Arne Mikjelson Øyhus, trulova Tronhus, d 1772 som enkjemann på Dølveseige g 1714 m *Anne Olsdotter.* Dei er nemnde på Øyhus frå 1714, og i 1734 i Koparviken. I 1732 var Arne Mikjelson husmann på ein plass under Lundo, og stemna for gjeld. I 1766 var Arne på ein stad under Dølve. Barn:

1. Anders f 1714 truleg gm Anne Nilsdotter, sjå Dølvesetre.
2. Ingrid f 1716 d 1717.
3. Mikjel f 1721 truleg g 1. m Guri Gunnarsdotter Dølve, sjå øvre Storøydgardseige, g 2. m Ragnhild Gudbrandsdotter Bagn, sjå Finn-

hert 39/24. Mikjel og Guri er nemnde i Lundo 1748—51.
4. Arne f 1724.
5. Ivar f 1727 gm Kari Hallvorsdotter Øyhus, sjå Dølveseige.
6. Ingrid f 1730.
7. Marit f 1734.

Ola Kristaferson nørdre Øyhus f 1727 mogleg d 1773 på Lundoeige g 1. 1758 m *Ingrid Arnesdotter* er nemnde på Øyhus 1758 og -64, på Klauvstad 1761 og i Lundo 1767. Barn:

1. Kristafer f 1758 d 1784.
2. Gunhild f 1761 gm Mikjel Andersson Tronhus, sjå Klauvstad bruk I.
3. Kari f 1764.
4. Anne f 1767.

Bård Jensson Leikebakke gm *Ingebjørg Pålsdotter,* sjå Dølveseige, er nemnde på Tronhus 1752—58, i Lundo 1746 og -61, og på Dølveseige frå 1765.

Knut Knutson nørdre Lundatn f 1753, kalla Lundatn ved gravferda i 1794. Knut døydde i skogen då han fekk eit tre over seg under hogst. Trulova 1778 m *Anne Olsdotter Koparvike* f ca. 1742. I 1801 var Anne enkje og innerst i søre Lundo. Barn:

1. Beret f 1780 gm Mikjel Arneson Tronhus, sjå Hansebrøtahaugen.
2. Ingrid f 1783.
3. Ola f 1786.
4. Knut f 1789 d 1791, kalla son til Knut Knutson Ølmhuseige.
5. Knut f 1792.

Jeremias Knutson Storøydgarden gm *Marit Olsdotter Byfellie,* sjå øvre Storøydgardseige, er nemnde i Lundo 1789.

Jens Bårdson Dølve gm *Anne Kristafersdotter Ølmhus* er nemnde på Dølveseige — Dølvesbrenne — 1771—91, og på Lundoeige frå 1793. I 1801 var dei husmannsfolk under nørdre Lundo.

Gudbrand Jonson Tollevsrud gm *Siri Aslaksdotter Bøen,* sjå under Tollevsrud, er nemnde på Lundoeige 1799, og var i 1801 husmannsfolk under nørdre Lundo.

Bjørn Bjørnson Ølmhuseige gm *Gunhild Arnesdotter Dølve,* sjå Storsvelykkja, er nemnde på Lundoeige 1828—38.

Laurits Kristofferson og *Inger Mikkelsdotter* er nemnde på «Lundeie» 1882 og -84. Barn desse åra:

1. Mikkel f 1882.
2. Karoline f 1884.

Lundatn, ukjend bustad

Håvård «Lunde» fekk i 1711 dottera Marit.

Ola Herbrandson f ca. 1686 d 1740 g 1712 m *Lokris Kristafersdotter Langedrag* f ca. 1690 d 1760, er innskrivne

i kyrkjeboka med bustadnamnet Lundatn 1713—22. I 1721 blir ein liten gut med namnet Ola, «Ole Herbrandsen Langedrags barn», gravlagd. Ved skiftet etter Ola Ivarson Ølmhus i 1721 var Ola skuldig buet, og kalle Ola Herbrandson «Lien». Seinare i 1720 -åra og til etter 1730 ser det ut for at dei har vore i Steinsetren. Her heiter brukaren i 1723 *Ola,* og til 1732 fekk Ola og Lokris barn i «Seter». I 1735 er dei nemnde på Ølmhus, som Ola Herbrandson også er kalla ved gravferda i 1740. Ved skiftet på Langedrag i 1754 etter mor til Lokris er Ola derimot omtala som avlidne Ola Gudbrandson — må vera mistak for Herbrandson — Lundatn. Ola Herbrandson var nok i slekt med den Gro Herbrandsdotter som rydda i Lundo, og som seinare budde i Steinsetren eller på Steinsetereiga, sjå Lundatn. I 1718, ved ei sak i om flaum i Hølerun, sjå også Ølmhus, fortel Ola Herbrandson at han for sju års tid sidan tente hjå Ola Ølmhus, og hugsa at dei reparerte Elketjenddammen saman.

Ved det førnemnde skiftet i 1754 ivaretok sønene Arne og Knut mora sine interesser. Arne var kalla Koparvike og Knut Ølmhus. Lokris døydde hjå Arne i Koparviken. Barn:

1. Knut f 1712 d 1712.
2. Knut f 1713, kalla Ølmhus 1754.
3. Kristafer f 1715 venteleg d 1743.
4. Ola f 1718, kan vera den Ola Olson Lundatn som gifta seg med Marit Knutsdotter Langedrag, sjå Føss.
5. Arne f 1720 gm Beret Olsdotter Øyhus, sjå Koparvike.
6. Ola f 1721 d 1721.
7. Beret f 1722.
8. Ingebjørg f 1726.
9. Anne f 1730.
10. Herbrand f 1732.

Kristen Kristenson Lundatn gifta seg i 1727 i Aurdal m *Ingebjørg Sjugurdsdotter.*

Det var mogleg den same *Kristen Kristenson* som i 1751, då kalla Dølve, gifta seg med *Ragnhild Olsdotter,* truleg den «Ragni» Olsdotter som i 1748 fekk sonen Sjugurd med Kristen Kristenson Dølve. Ragnhild og Kristen er nemnde på Dølve 1751 og i Lundo 1755. Barn:

1. Ola f 1751.
2. Gunhild f 1755.

Knut Olson «Lunde» fekk i 1744 sonen Eivind med *Siri Olsdotter.*

Gudbrand «Lunde» og *Gjartrud Nilsdotter* fekk i 1748 dottera Gunhild, døypt i Hedalen.

Ola Olson og *Beret Olsdotter* var i 1738 på Øyhus og i 1755 i Lundo. Barn desse åra:

1. Anders f 1738.
2. Anne f 1755.

Ellend Knutson Lundatn fekk i 1756 sonen Knut med *Beret Mikjelsdotter Koparvike.*

I 1761 gifta *Ola Olson Lundatn* seg

som enkjemann med *Ragnhild Persdotter Langedrag.*

Koparvike

Koparvike — uttala med å — ligg lengst nord på Øyhuseiga, på sørsida av Begna og tvers over for Sandviken.

Namnet Koparvike er ikkje eintydig. Norske Gaardnavne held det for mest sannsynleg at fyrstelekken er metallet *kopar,* men finn inga rimeleg forklaring. Ut frå skrivemåten «Kobbervigen» i eldre kjelder blir ei slik tolking nærliggjande. I segna om «Koparvikkallen» (Søre Aurdal og Etnedalen s 84—86), blir nett koparet framheva. Kallen hadde nemleg noko så spesielt som ei skinnbukse full av koparpengar. Men som forklaring på namnet er nok segna villeiande. Det er ikkje uvanleg at folkefantasien har vore sett i sving for å tolke merkelege stadnamn frå tidlegare tider. Ei segn er då ei virkning av namnet, og kan ikkje brukast som kjelde til årsaka. Slik må me oppfatte forteljinga om den rike kallen og koparpengane hans, for i tilfellet Koparvike kan segna kontrollerast mot skriftlege kjelder: «Koparvikkallen» må vera den Arne Olson som vart gravlagd i juni 1790 og fødd i 1720. Når Koparvike er nemnd alt kring 1720, kan det altså ikkje vera Arne og det han mogleg åtte av koparpengar som er grunn til namnet.

Olaus Islandsmoen set Koparvike i samanheng med *kaupa,* kjøpe, altså *Kauparviken* (Søre Aurdal og Etnedalen s 110), fordi garden «i gamletidi» var kvileplass for handelskarar. Ut frå -ar endinga — Koparvike — må det i så fall vera det gamalnorske ordet *kaupari* m., kjøpmann, handelsmann, som ligg til grunn. Heilt overtydande er denne forklaringa ikkje, ettersom dei gamle ferdselsvegane gjekk over åsane i nord og sør, ikkje gjennom Begnadalen. Eit tredje alternativ, og iallfall like sannsynleg tolking som dei to førnemnde, er gamalnorsk *koppari* m., svarvar, koppe-makar. Koparvike er i så fall eit handverksnamn som fortel om ein eller fleire av dei fyrste brukarane, på line med t.d. Skinnrud i Reinli, som kjem av *skinnari* m., garvar.

Skulle *koppari* vera rett, er Koparvike ein gamal gard, med røter i mellomalderen. I så fall vara øydetida lenge, for kring 1700 var Koparvike slåtteland for Øyhus. I eit vitneprov i 1717 heiter det at Sjugurd Bagn, tidlegare brukar på Øyhus, hadde «cassarødning» på engeslettet Koparvike.

Ei anna sak er at terrengtilhøva i dag ikkje gjev eit rett bilete av den gamle garden. Så hardt gjekk det utover Koparvike under Storofsen i 1789, seier segna, at ein ikkje eingong kunne fø ei geit. Sjølv om nett ikkje det skal takast bokstavleg, talar skadetaksten sitt tydelege språk: Skredet reiv med seg ein bygning, øydela heilt 10 mål åker og 10 mål eng, og 8 mål åker for trefire år. Skaden i alt var vurdert til 400 rd., ein høg takst samanlikna med gjennomsnittet, mykje meir enn t.d. for Islandsmoen. Der var taksten 150 rd., og også på Islandsmoe vart terrenget endra av rasmassane. Nørdre Lundatn fekk skade for 100 rd. Her gjekk det med 1/2 mål åker og 6 mål eng.

Då Lundatn vart fråskild Øyhus, høyrde Koparvike i byrjinga inn under Lundo, med halvparten under kvart av dei to bruka.

Nedre, midtre og øvre Koparvike. På brekka oppe til høgre ligg Dølve.

I 1723 selde *Bjørn Olson Øyhus,* sjå Øyhus bruk II, øvre Lundatn — venteleg nørdre Lundatn, men heldt att to engeland, Rennebrøtin og Koparvike. I ei sak i 1738 er Bjørn kalla *Bjørn Olson Koparvike,* men det er uvisst om han budde her.

I 1747 sel Bjørn Olson og Knut Kristaferson 1/2 skinn, kalla Koparvike, for 180 rd. til Arne Olson Øyhus. Dette kan ha vore halvdelen under søre Lundo, for same år selde Bjørn 1 skinn i søre Lundo, tidlegare rekna for 1 1/2 skinn, til Knut.

I 1752 transporterte Bjørn Olson 1/2 skinn i nørdre Lundo for 143 rd. til Anders Bagn etter fyrst å ha overdrage til buet etter Ola Arneson Fønnhus. Eigedomen omfatta nokre engeslette: halvdelen i Koparviken, halvdelen i Rennebrøta, båe halvdelane i Tangebrøta, dessutan noko åker og eng i garden nørdre Lundatn, nokre hus, skog og mark, og setrar m.v. I 1765 selde Anders Bagn for same sum til Ola Olson Føss, som to dagar etter selde halvdelen, 1/4 skinn i Koparvikengen, for 100 rd. til Arne Olson Koparvike.

Eigar av Koparvike frå 1747 og 1765 var då *Arne Olson,* Lundatn, ukjend bustad, f 1720 d 1790 g 1746 m *Beret Olsdotter søre Øyhus* f 1722. Barn:

1. Jøren f 1756 gm Ola Arneson søre Vøll.
2. *Ola* f 1758, neste brukar.

«Koparvikkallen» i segna, som må vera identisk med Arne Olson, skulle ved hjelp av særlege kunstar vera svært rik. I koven sin hadde han ein såmæle — i Valdres nesten 30 l — med sylvpengar, samt den førnemnde store skinnbuksa full av koparpengar. Pengane bar han på badstuguhjellen vår og haust for at dei ikkje skulle mugne.

Udelt sympatisk var «Koparvikkallen» ikkje, og son hans fylgde i same spor. Tradisjonen fortel at Anne Olsdotter, kona til Ola Arneson, leid mykje vondt i familien ho vart inngifta i mot si eiga vilje. Til slutt mista ho og Ola alt dei åtte ved ein brann i Nes i Ådalen.

Arne Olson var brukar i 1782, men i 1789 er sonen Ola oppført.

Ola Arneson Koparvike f 1758 g 1779 m *Anne Olsdotter,* mogleg frå ein part av Piltingsrud og f 1757. Segna seier Anne var frå Piltingsruddokka. Segna fortel også at Ola og Anne døydde på plassen Myre under Sørum i Begnadalen. Ola er då kan hende den Ola Arnson Sørumseige, legdsfattig, som døydde 73 år gamal i 1830. Barn:

1. Arne f 1781.
2. Beret f 1785.
3. Ola f 1787 d 1788.
4. Anne f 1789.
5. Anders f 1792.
6. Ola f 1794 d 1795.
7. Hallvor f 1796.

Øydelegginga under Storofsen i 1789 var mogleg årsaka til at Ola i februar 1790 kjøpte søre Øyhus, og samstundes selde Koparvike med unnatak av to setrar for 420 rd. til *Ola Ivarson Dølveseige* på Islandsmoe..

I 1794 selde Ola Ivarson attende til Ola for 490 rd. Ola Ivarson er kalla Moen, som tyder på at han ikkje har budd i Koparviken. Då var *Gudbrand Olson* eigar av søre Øyhus, sjå der og Koparvikeige. Gudbrand og Ola Arneson makeskifta same år gardar, slik at Ola overtok søre Øyhus og Gudbrand Koparvike. For Koparvike var prisen 419 rd. I 1795 makeskifta Ola Arneson søre Øyhus mot ein part i Grøv.

I 1795 selde Gudbrand Olson Koparvike for 599 rd. og livaure til *Erik Olson søre Torsrud* f 1767 d 1823 g 1. 1797 m *Ingebjørg Gudbrandsdotter,* søre Øyhus 50/15, dotter til Gudbrand, f 1774 d 1814. Ved skiftet etter Ingebjørg i 1814 var bruttoeiga 733 rbd. og nettoeiga 688 rbd. Ved skiftet etter Erik i 1824 var bruttoeiga 1188 spd. og nettoeiga 799 spd. Erik klarte å få garden på fote att etter øydelegginga i 1789, for ved skiftet etter han er opplyst at ein kunne fø så mykje som 16 naut, 2 hestar og om lag 20 småkrøter. Det fanst om lag 25 mål opparbeidd, dels god og dels måteleg åker, naudsynlege hus for ein bondefamilie, skog til husbehov, to sumarsetrar og to heimsetrar. I 1815 kjøpte Erik Olson grannebruket Føss på auksjon. Barn til Erik og Ingebjørg:

1. Ola f 1798 d 1800.
2. Kari f 1800 fekk i 1835 dottera Ingebjørg med Ola Gudbrandson Braka. Kari gifta seg med Hallvor Jeremiasson Erstadbrøtin, sjå søre Rugbrøtin 15/7.
3. Ola f 1802 d 1810.
4. Gudbrand f 1804 d 1810.
5. *Ola* f 1807 gm Marit Arnesdotter Braka, sjå Koparvikbrenne 50/2.
6. Gro f 1810 d 1810.
7. Gro f 1811 gm Ola Sjugurdson Killingbakke, sjå nørdre Roo 8/6.

Erik Olson g 2. 1815 m *Marit Arnesdotter nørdre Øyhus* f 1783 d 1831. Ved skiftet etter Marit i 1831 var bruttoeiga 421 spd. og nettoeiga 346 spd. Barn:

1. Ingebjørg f 1815 d 1815.
2. Ingebjørg f 1817 d 1827.
3. *Arne* f 1820 g 1. m Kari Ivarsdotter Bagn, g 2. m Anne Andersdotter Ton, sjå båe gonger øvre Koparvike 50/1.
4. Kari f 1822 gm Knut Mikjelson søre Lie, sjå Stavadalsmoen 5/3. I 1840 fekk Kari sonen Erik, til Amerika 1861, med Sjugurd Trondson.

Ved skiftet etter Erik Olson vart Koparvike i 1824 utlagd for 800 spd. til sønene *Ola* og *Arne* frå fyrste og andre ekteskap.

I 1835 selde Ola halvdelen sin til Hallstein Mikjelson Dølve, og i juli same år vart Koparvike delt i to like delar mellom Arne Erikson og Hallstein Mikjelson. Arne fekk den nørdre delen, øvre Koparvike, og Hallstein den søre.

Øvre Koparvike bnr. 1

Arne Erikson Koparvike f 1820 d 1844 g 1. 1840 m *Kari Ivarsdotter Bagn,* nedre Bagn bruk III, f 1820 d 1842. Ved skiftet etter Kari var bruttoeiga 29 spd. og nettoeiga 25 spd. Barn:

Marit f 1841 d 1842.

Arne Erikson g 2. 1843 m *Anne Andersdotter nørdre Ton* f ca. 1818. Ved skiftet etter Arne var bruttoeiga 763 spd. og nettoeiga 556 spd. Barn:

Kari f 1844.

Anne Andersdotter g 2. 1845 m *Mikjel Mikjelson søre Lie.*

Kristian Kristianson Øyhus gm *Maria Olsdotter,* sjå Nilsebøle 50/13, fekk auksjonsskøyte i 1845 for 604 spd. I 1849 selde Kristian for 500 spd. til sonen *Ola.*

I 1856 selde Ola Kristianson ved verje for 600 spd. til *Ola Olson søre Lundatn* f 1814 d 1886 g 1849 m *Kari Arnesdotter nørdre Øyhus* f 1826 d 1921. Barn:

1. Anne f 1850 gm Ole Syverson Enga, sjå Muggedalen 68/7.
2. Inger Marie f 1853 gm Reiar Mikkelson Dølve, sjå Dølve 48/1.
3. Siri f 1855 gm Kristoffer Erikson midtre Koparvike.
4. *Arne* f 1858, neste brukar.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 10 mål ganske god åker og dyrka eng, 50 mål nokså magert slåtteland, frå setrar og utmark kom 9 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, 2 tylfter grantømmer kunne hoggast, og dei lauva 200 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 6 naut, 9 sauer, 9 geiter, og sådde 1/4 tønne rug, 1/2 tønne bygg, 3 3/4 tønner blandkorn og 4 tønner poteter.

Ola Olson selde i 1884 til sonen *Arne Olson* f 1858 d 1915 g 1888 m *Inger Andrea Syversdotter Tollevsrudenga* f 1859 d 1924. Barn:

1. *Ole* f 1888, neste brukar.
2. Kari f 1889 d 1985, budde i Haug, Ringerike.
3. Ågot f 1891 d 1961, budde i Haug, Ringerike.
4. Sigrid f 1893 gm Andreas Halvorson Engen (Tollevsrudenga).

5. Syver f 1895 d ung i spanskesjuken, var skomakar.
6. Arne f 1898, var lærar, gm Ida Baggerud, Nordre Land.

I 1920 selde Inger Koppervik til sonen *Ole Arneson Koppervik* f 1888 d 1975 g 1918 m *Berit Andersdotter Sæteren,* øvre Tronhussetre 54/5, f 1891 d 1984. Barn:

1. Inger Marie f 1919 d 1920.
2. Astrid f 1921 gm Kåre Hagen, Bagn.
3. *Arne* f 1923, neste brukar.
4. Mildfrid f 1927 gm Ola Olmhus.
5. Ingrid Arnbjørg f 1928 gm Haldor Voll, Ramnes.
6. Anders f 1931 d 1931.

Arne Olson Koppervik f 1923 overtok 1952, gm *Kristine Øvergaard* f 1930. Dei flytta ut, og jorda har sidan vore bortleigd.

Øvre Koparvike har 18 da. innmark på dels flat sandjord, 200 da. skog, og er medeigar i Føldokke skog. Gardsvegen gjekk tidlegare rett opp frå riksvegen til tunet. Etter at gamlebygningen vart nedteken i 1961 og svingen på riksvegen utretta, vart gardsvegen omlagd i sving bort til Brennavegen.

I flaumåret 1860 demde eit leirras opp Islandselve. Då demninga braut saman, skylde flodbylgja med seg mesteparten av åkerjorda på den nordre delen av øvre Koparvike. Somme stader vart det utgrave masse i fleire meters djupn. Øvrekanten på det gamle åkerlandet er såvidt synleg *Nordundi berge.* Det er fortalt at dei hadde drive i potetåkeren om dagen, men åkeren med greva i forsvann. Til vern mot gjentaking av ei slik naturulykke er det opplagt solide steinmurar nedover frå *Nordundi berge* og ved Islandsbrue.

Nedafor vegen mot Islandselven ligg *Bruåker'n.* Andre namn er *Nord i jorde, Vårfjøsslettet, Brennaåker'n,* og *Hegjiåker'n,* ein liten dyrka trekant nær slåttelandet *Nordundi berge.* Oppe i bakkane låg slåtten *Rennelyuslettet,* vidare opppover derifrå gjekk *Nørdre* og *Søre dalen,* som vart slått heilt opp til delet mot søre Brenn. På *Rennelyuslette* og midt oppe i *Søre dale* stod lyur. Noverande hovudbygning vart bygd 1947—55. På den førre bygningen vart andre høgda påbygd om lag 1870. Denne bygningen vart sett opp på ei tomt på den nørdre delen av Bukfyllvøllen i 1961. Fjøset vart bygt inntil det gamle uthuset ca. 1920. «Veslestugu» og stabburet er frå 1916—18, smiu frå 1927. Rennelyu vart flytta ned i 1934 og sett opp som sauehus. På nedsida av riksvegen stod fram til ca. 1930 restane av eit hus brukt til å tørke potetgras i. Graset vart lagt på trestenger og brukt til fôr. Ved Islandselve stod badstugu, som hadde vore felles for båe gardane.

I 1835 vart også Bukfyllsetre delt. Øvre Koparvike har framleis delen sin saman med ein nørdre del, *Tåmåsbrøtatrøe,* kjøpt inntil i 1867. Heimsetra Dyngevøllen er felles med nedre Koparvike. Bua vart flytta til Myrvang etter at tyskarane brende huset der i 1940. Øvre Koparvike brukte Juve, kjøpt i 1930 og seld att i 1969, som heimseter.

Truleg om lag 1920 kjøpte øvre og nedre Koparvike slåmaskin saman, og same tid såmaskin saman med søre Øyhus.

Ved Koparvike var dei fyrste trefningane i Bagn i aprildagane 1940. Dei norske styrkane hadde stilling i Dølvesknatte. I ei veke låg øvre Koparvike i frontlina. Hovudbygnaden vart gjennomhola, og alle glasrutene sundskotne på nord- og sørveggen. Veden som var framkøyrd framfor fjøset for neste vinter, vart oppflisa av tyske kuler, men med unnatak av ein sau berga veden buskapen.

Koparvikebrenne bnr. 2

I 1832 selde Ola Erikson i øvre Koparviken plassen Brenne, i daglegtale no helst søre Brenne, med halve setra Føssevøllen for 100 spd. til Erik Julson Jukam. Ved skyldsetjinga same år heiter det at Brenne i lengre tid hadde vore brukt med særskilde grenser.

Erik Julson øvre Jukam f 1800 g 1. 1831 m *Marit Arnesdotter nørdre Dølve* f 1807 d 1836. Barn:

1. Jul f 1831 d 1831.
2. Jul f 1833 d 1847 ved å falle utover eit høgt berg, heiter det i kyrkjeboka.
3. Arne f 1834 gm Anne Hermannsdotter Kamben, sjå øvre Dølvesbergatn 48/3.

Erik Julson g 2. 1840 m *Anne Olsdotter Bagnsbakkatn,* sjå øvre Dølvesbergatn 48/3.

Ved makeskifte i 1836 bytte Erik Julson Brenne mot øvre Dølvesbergatn med *Hallstein Mikjelson Dølve,* som frå 1835 også var eigar av nedre Koparvike.

I 1843 var *Arne Erikson* i øvre Koparviken eigar, og viste til lovleg åtkome. Arne selde då for 100 spd. til broren *Ola Erikson Koparvike* f 1807 g 1843 m *Marit Arnesdotter Braka,* Braka 44/1, f 1820. Dei reiste til Amerika i 1852. Barn:

1. Ingebjørg f 1844.
2. Erik f 1846.
3. Arne f 1849.

Ola Erikson selde i 1854 for 100 spd. til *Tåmås Olson Langedrag,* som i 1856 selde for 200 spd. til Arne Høljeson Koparvikbrenne. Brenne vart same år utskild frå øvre Koparviken.

Arne Høljeson Koparvikbrenne, Liatn under søre Øyhus, f 1828 d 1903 g 1860 m *Sesel Hansdotter Islandsmoen* f 1833 d 1909. Barn:

1. Inger Maria f 1861 d 1931, budde i Brenn.
2. *Hans* f 1863, neste brukar.
3. Halvor f 1865, budde mest i Brenn.
4. Martin f 1869 gm Guri Arnesdotter Pisla, sjå Gjørud 79/3.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 3 mål høglendt og dårleg åker og dyrka eng, 28 mål magert og steinut slåtteland, hamninga var tilstrekkeleg, og dei lauva 200 kjerv. I 1865 hadde dei 4 naut, 2 sauer, 12 geiter, og sådde 1/16 tønne rug, 1/2 tønne bygg, 3/4 tønne blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

I 1898 selde Arne Høljeson for 1200 kroner til sonen *Hans Arneson* f 1863 d 1948 gm *Kari Fystro,* Vestre Slidre, f 1877 d 1948. Barn:

1. Sigrid f 1912 gm Ola Windingstad.
2. Karine f 1914 gm Nils O. Robøle, Heggenes.
3. Anna f 1917 gm Torsten Robershaugen, Øystre Slidre.

4. *Arnfinn* f 1920, neste brukar.
5. Ingrid f 1923 gm Malvin Thue.

Arnfinn Brenden f 1920 fekk auksjonsskøyte i 1943, arbeider på Begna Bruk, gm *Marit Gutubakken,* Fåberg, f 1923. Barn:

1. Hans f 1953 gm Grete Dalen, sjå Bredal, Søre Vøll-feltet.
2. Kari f 1954 gm Harald J. Bakken, Heggstad 22/78, 88.
3. Marianne f 1957, til Sunndalsøra.
4. Margit f 1965.

Søre Brenne har 15 da. dyrka jord og 200 da. produktiv skog. Dei hadde krøter til byrjinga av 1970-åra, sidan har jorda vore bortleigd. Setra vesle Bykfyll er seld.

Nedre Koparvike bnr. 4

Nedre eller søre Koparvike var den søre parten etter delinga av Koparvike i 1835. I 1848 vart søre Koparvike bnr. 7 utskild, og har frå 1867 høyrt til øvre Koparvike. Skogen mellom dei tre bruksnumra vart utskifta i 1854.

I 1835 kjøpte *Hallstein Mikjelson Dølve* f 1797 d 1863 nedre Koparvike for 400 spd. av Ola Erikson Koparvike. Hallstein åtte også Dølve 48/2 frå 1835, og var g 2. 1841 m *Ingebjørg Alvsdotter nørdre Tronrud* f 1815. Barn:

1. Barbro f 1842 gm Steingrim Engerodden.
2. Anne Maria f 1846 d 1886.
3. Kari f 1849 d 1871.
4. Martin f 1858, åtte midtre Koparvike bnr. 5 1864—81, til Amerika.

I 1856 selde Hallstein Mikjelson for 250 spd. til *Hallvor Alvson nørdre Tronrud* f 1812 d 1869 på Sørli, som han kjøpte i 1866, g 1845 m *Beret Andersdotter Smedsrud* f 1817 d 1884. Barn:

1. Alv f 1846 d 1895.
2. Gro f 1847.
3. Marit f 1851.
4. Anders f 1854.
5. Inger Bertine f 1856.
6. Anton f 1859 gm Inger Olsdotter Tollevsrudhaugen.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 11 mål ganske god åker og dyrka eng, 40 mål ganske magert slåtteland, frå Føsse kom 14 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, 1 1/2 tylft grantømmer kunne hoggast, og dei lauva 500 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 5 naut, 6 sauer, 7 geiter, og sådde 1/8 tønne rug, 1/2 tønne bygg, 2 tønner blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

Etter utskiljing av to bruksnummer i 1864 selde Hallvor Alvson i 1867 for 300 spd. til *Kristafer Olson søre Lundatn* f 1817 d 1877 g 2. 1864 m *Jøren Arnesdotter nørdre Øyhus* f 1835 d 1916. Barn:

1. Anne f 1864 gm Ole Håvelson Braka, sjå Halle 44/9.
2. Arne f 1866 d 1867.
3. Arne f 1871, sjå Øylo 50/31.
4. Inger Marie f 1873 gm Arne Olson Langedrag, sjå Smedlund 50/24.

Jøren Arnesdotter selde i 1879 til *Hans Olson nedre Sørflate* f 1845 d 1925 g 1878 m *Anne Larsdotter søre Lundatn* f 1843 d 1917. Når Hans Koppervik flytte på Bukfyllsetre, sat han

på «åbenda» og rei. I rompa på hesten batt han ei gamal, svartbotet ku, så fylgde dei andre dyra etter. Barn:

Olaf f 1883 drukna 1905.

Branntakst 1880: 1. Eit våningshus med tre rom og bordtak. 2. Eit stabbur med tre rom og flistak. 3. Ein låve- og stallbygning med fem rom og flistak. 4. Eit fjøs med flistak.

I 1917 selde Hans Koppervik garden til *Kristian Knutson Bergsund* f 1886 d 1966 g 1912 m *Anna Olsdotter Sørflaten,* Bjørkelund 37/11, f 1888 d 1974. Barn:

1. *Odd Kolbjørn* f 1912, neste brukar.
2. Asbjørg Gudny f 1913 gm Kristoffer T. Langedrag.
3. Knut f 1916 gm Bertine Thorsrud.
4. Gudrun f 1918 gm Andreas Frydenlund.
5. Hans f 1920 gm Ingebjørg Dokken.
6. Bjarne f 1928 gm Borghild Skogstad.

Odd Kolbjørn Bergsund f 1912, eigar frå 1956, gm *Sigrid Østgård,* Austegarden 12/10, f 1924 d 1966. Barn:

1. Kristian f 1946.
2. Anne Lise f 1951 gm Arne Oddvin Norstad. Dei har barna Aril f 1977, Ove f 1979 og Anne f 1986.
3. Nils Arne f 1955 gm Marit Nes, Strand i Nord-Aurdal. Dei har barna Sissel f 1978, Gro f 1981 og Odd Hening f 1986.

Nedre Koparvike har 42 da. innmark på flatt lende langs elva og 700 da. produktiv skog. Det var mjølkeproduksjon til 1975, seinare har det vore dyrka korn og gras for sal.

Hovudbygningen er frå 1945, bygningen i midtre Koparviken stod før i nedre Koparviken. Kårbygningen er frå 1910, låven vart ombygd i 1905, og fjøset bygt inn i låven 1925. Stabburet er gamalt. Det er seter på store Bukfyll.

Midtre Koparvike bnr. 5

Midtre Koparvike vart utskild frå nedre Koparviken i 1864, og seld same år til *Hallstein Mikjelson Dølve* for 210 spd. Same år fekk son til Hallstein, *Martin Hallsteinson,* nedre Koparvike 50/4, f 1858 skifteskøyte for 200 spd. Mor til Martin, *Ingebjørg Alvsdotter,* var brukar. Det var neste eigar, Kristoffer Erikson, som bygde opp garden. Til då hadde familien i midtre Koparviken dels hatt part i husa i nedre Koparviken, slik det går fram av branntaksten i 1875.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 4 mål mager åker og dyrka eng, 13 mål ganske magert slåtteland, frå utmarka kom 3 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, 1/2 tylft grantømmer kunne hoggast, og dei lauva 200 kjerv. I 1865 hadde dei 2 naut, 5 geiter, og sådde 1/16 tønne rug, 1 tønne bygg og 4 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Den nørdre halvdelen i våningshuset med bordtak. 2. Den øvre halvdelen i eit fjøs med bordtak. 3. Halvdelen i ei bu med bordtak. 4. Ein låve med flistak.

I 1881 selde Martin Hallsteinson til *Kristoffer Erikson Koparvike,* Gudmundslie 22/17, f 1854 d 1953 g 1880 m *Siri Olsdotter øvre Koparvike* f 1855

Frå midtre Koparvike ca. 1925. Foran huset står Kristoffer Erikson Koppervik f 1854 og kona Siri Olsdotter f 1855 frå øvre Koparvike til høgre. Til venstre for dei sonen Erik og kona hans, Ragna Erlandsdotter f Stensæter. Foran sit sonen Ingvar lengst til venstre, i midten dottera Anna, og til høgre sonen Arne. Nede i gangen Anna Bergsund og Hans Sørflaten Koppervik. Øvst i gangen er frå venstre Olea Islandsmoen, Olga Bergsund, Åsta Bergsund (Koppervik), og lengst til høgre truleg Ågot øvre Koparvike.

d 1932. Kristoffer var heradsblinkar. Barn:

1. Ole f 1880, til Amerika 1898.
2. Erik f 1882.
3. Kari f 1884 gm Olaus Olson Øilund.
4. Anna f 1887 gm Gustav Carlsson, Sverige, busette i Minneapolis.
5. *Erik* f 1890, neste brukar.
6. Arne f 1893.
7. Johannes f 1895 gm Olava Larsdotter Kløvstad, sjå Myrvang 48/46.
8. Ingvar f 1898 gm Åsta Knutsdotter Bergsund, sjå Dølve skule.

Far til Kristoffer, Erik Kristaferson frå Køll, døydde i 1859, berre 35 år gamal, og etterlet seg kone og tre mindreårige barn. Erik hadde vore borte i sameiga etter eit lass med ved eller storr då han brått vart sjuk. Inne på åsen råka Erik Mikjel Brattrud, som køyrde han heim til Gudmundslie. Erik døydde straks etter.

Kristoffer har fortalt om lagnaden for familien etterpå: Slik skikken var, tok mora den minste ungen og fekk seg tenest i bygda, medan Kristafer og ei tre år gamal eldre syster vart bortsette av fattigvesenet. På tingstugu på Øystre Bagn var det som ein auksjon. Den som gav lægste bodet,

slik at utgiftene for fattigvesenet vart minst mogleg, fekk ansvar for ein unge.

Kristafer kom fyrst til Ola Dølvesetre, og fekk det bra der. Men året etter var det nokre folk i Brattebakke på Leirskoge som baud mindre. Der leid Kristafer vondt. Dei hadde ikkje mat sjølve, og langt mindre til han. Året etter kom Kristafer til husmannsplassen Bergei under Langøydgarde. Sjugurd og Ingrid Bergei var snille og lærte han mangt. Ingrid stelte med Kristafer som om han skulle ha vore sonen hennar. «Slik gjorde eg det med guto mine, og slik får eg gjera det med deg,» sa ho.

I 1918 selde Kristoffer til sonen *Erik K. Koppervik* f 1890 d 1951 g 1916 m *Ragna Erlandsdotter Stensæter* f 1890 d 1962. Barn:

1. Sigrid f 1913 gm Jakob Listerud, sjå nørdre Leistrud 22/4.
2. *Kristoffer* f 1916, brukar frå om lag 1950, fekk auksjonsskøyte i 1934.

Midtre Koparvike har 12 da. dyrka jord heime og 400 da. skog og utmark, av det 200 da. produktiv skog. Den gamle hovudvegen gjekk mellom tuna på midtre og nedre Koparvike til 1890-åra. Til 1960-åra gjekk gardsvegen til nedre Koparvike gjennom tunet til midtre Koparvike, og vart då lagd lengre nord.

I 1891 kjøpte Kristoffer Koppervik Hansesetre på Brattrudsetro av enkja etter presten Sandberg. Vollen er på 10 da. Kristoffer Erikson hadde krøter til 1960-åra.

Føss

Føss var eit lite bruk om lag 200 m sør for Koparviken. Jordvegen gjekk litt oppover skogen, der det enno syner små åkerlappar. Storofsen i 1789 tok med seg 1 1/2 mål åker og 3 mål eng, og øydela 3 mål eng for tre—fire år. Skadetaksten var 150 rd. Seinare kom ferdselsvegen og skar tvers over åkeren, og den nye riksvegen øydela tomta. Ein tange ut i Begna heiter framleis *Føssetangin.*

Føss var ein del av den eigedomen under nørdre Lundo som Bjørn Olson Lundatn i 1752 transporterte til Anders Arneson Bagn, sjå Koparvike. I 1765 selde Anders Bagn for same sum, 143 rd., til Ola Olson Føss. Ola Olson Føss selde same år halvdelen, 1/4 skinn i Koparvikengen, for 100 rd. til Arne Olson Koparvike, slik at skylda for Føss vart 1/4 skinn.

Ola Olson Lundatn, mogleg Lundatn, ukjend bustad og f 1718, skifte i 1803 på Føss, g 1755 m *Marit Knutsdotter Langedrag,* d lenge før 1803. Ved skiftet i 1803 var bruttoeiga 316 rd. og nettoeiga 49 rd. Barn:

1. Beret f 1756 mogleg d 1801.
2. Kjersti f 1758.
3. *Ola* f 1761, neste brukar.
4. Knut f 1764 gm Anne Johannesdotter Åseneige, sjå Juve 48/29.
5. Ragnhild f 1767 fekk i 1798 dottera Marit med Jon Larsson Kvenes i Land.

Ola Olson Lundatn f 1761 d 1825 som innerst frå Lundo g 1786 m *Gudbjørg Sjugurdsdotter Sørflate,* Sparkevik 34/6, f 1752. Barn:

1. Anne f 1787.
2. Ola f 1789 d 1838 i Klypun.
3. Marit f 1792 d 1810.
4. Sjugurd f 1795.

5. Arne f 1797 gm Guri Olsdotter Kamben, sjå Øylund 50/9.

I 1803 selde Ola Olson for 406 rd. til *Lars Olson Steinsetre.* Ola kjøpte Føss attende av Lars i 1805, og selde same dag for 600 rd. til *Ola Knutson Leitet,* nørdre Lundatn 50/11, f 1758 g 1. 1785 m *Beret Andersdotter Bagnseige,* Milevatnet 38/4, f 1760 d 1813 på Føss. Ved skiftet etter Beret i 1814 var bruttoeiga 984 rbd. og nettoeiga 734 rbd. Barn:

1. Knut f 1787 gm Ingebjørg Andersdotter Lundatn, sjå nedre Dølvesbergatn 48/20. Det er nok den «Knut på Bergo» som Kristian Bergsund d.e. har fortalt om. Knut skal ha vore med i krigen 1807—14. Han knuste fiskebein og laga mjøl av til mat. Mannen frå Lundo likte dårleg at dotter hans gifta seg med Knut: «Hadde du ikkje hatt så runde, fine neva så hadde du ikkje fått dotter mi!», ein replikk som sikta til at Knut hadde skikkelege arbeidshender.
2. Beret f 1789 gm Ola Amundson Eidsbrøtin, sjå Heiebrøtin under Fønnhus.
3. Kari f 1792 d 1810.
4. Ingrid f 1796 g 1. m Ola Olson Lundoeige, g 2. m Tølleiv Olson Byfellie.
5. Siri f 1799 d 1810.

Ola Knutson g 2. 1814 m *Kari Ellendsdotter nedre Storøydgardseige.* Føss vart seld på auksjon til *Erik Olson Koparvike,* som fekk skøyte i 1815 for 622 rd. Siden har Føss tilhøyrt Koparvike.

Koparvikeige

Pål Bårdson Koparvikeige, Dølveseige, f 1752 g 1776 m *Kari Arnesdotter Torsrud,* Torsrudkamben 30/21, f 1754, er nemnde på Koparvikeige og i Koparviken 1776 og -81. Barn:

1. Arne f 1776.
2. Anne f 1781.

Bjørn Knutson Koparvikeige gm *Anne Olsdotter Ølmhuseige* er nemnde på Koparvikeige 1786—89, og på Ølmhuseige frå 1792, sjå Bjødnaplassen under Ølmhus.

Gudbrand Olson Øyhus, Steinsrud, f 1747 d 1815 i Koparviken g som enkjemann 1797 m *Inger Eriksdotter Bagn* f ca. 1771 d 1837 i Svartlien, er nemnde i Koparviken og på Koparvikeige 1798—1812. I 1801 var dei husmannsfolk med jord. Barn:

1. Ola f 1798 d 1809.
2. Erik f 1800.
3. Ingebjørg f 1802.
4. Erik f 1804.
5. Ingebjørg f 1806 gm Ola Olson Tronrudeige, sjå Brenninge 14/16.
6. Kari f 1810 g 1. m Ola Hallvorson Framgardseige, sjå Møldbakkin 13/62, g 2. m Ola Høljeson Framgardslykkja, sjå Nerli 11/32.
7. Gudbrand f 1811.
8. Olea f 1812 mogleg gm Aslak Arneson Bøen, sjå Høgbrenne 14/37.

Koparvike, ukjend bustad

Ellend Knutson Lundatn fekk i 1756 sonen Knut med *Beret Mikjelsdotter Koparvike.*

Langedrag

Gamalt matrikkelnr. 159, gamal skyld 3 skinn.
1838: **Nytt matrikkelnr. 48, ny skyld 4 dalar 8 skilling.**
1888: **Gardsnr. 51, skyld 10 mark 29 øyre.**

Langedrag nedunder *Langedragsberge,* i dalbotnen på austsida av Begna, ligg 208 m o.h. og har innmarka langsetter elva. Mot vest er Begna grense, mot nord Leitet, oppe på åsen i aust Leirskogen og i sør Steinsetre. Mellom Langedragsjordet og Steinseterjordet renn *Skiftesbekken* ut i Begna.

I dei eldste skriftlege kjeldene frå 1600-talet er garden kalla Granum. Namnet i daglegtale ser derimot ut til å ha vore Langedrag, som etter kvart overtok også i skrift. Granum, av trenamnet *grǫn* f., gran, og *heimr* m., vart likevel halde i hevd, og er namnet på det nyare bruket nord for hovudbølet. Tilhøvet mellom dei to namna er uvisst. Mogleg er det tale om eit eldre og eit yngre namn på garden, og i så fall er vel helst Langedrag yngst. Norske Gaardnavne held det mest sannsynleg at sistelekken kjem av *drag* n., her om ein stad noko blir slept over. Eit slikt namn kunne vel bli overført frå

Dei som budde på gardane på austsida av Begna, måtte før ro over elva. På Steinsetren og på Langedrag hadde dei ferjer, medan Granum brukte vanleg robåt. Det var mykje slit med å krysse elva i all slags ver og tilhøve. Her er Granum-båten i 1955. Familien på Øymoe har vore på besøk, og Kristoffer T. Langedrag set dei over. Året etter kom det bru.

Det gamle tunet på Langedrag.

sjølve slepinga til garden tett ved. Men galdt *draget* båtar på Begna, som her vart dregne over land, eller slepkøyring av tømmer? Endå meir uviss blir tydinga når Langedrag også er oppgjeven å vera eit plantenamn.

Over Begna går no bru, Langedragsbrue, bygd i 1955—56. Forbi Langedrag går veg til Steinsetre. I 1969 vart gardsvegen til Granum bygd. Før brua kom, brukte dei båt om sumaren og isen vinterstid for å koma over elva til hovudvegen på vestsida.

Langedrag ligg utsett til for flaum. Under Storofsen i 1789 vart 1 mål åker og 6 mælingar eng heilt øydelagde av flaum og skred, 1 mål åker vart øydelagt for to-tre år, og skaden taksert til 160 rd. Ved storflaumen i 1860 reiste ein del jord på *Eikeåkere* og ei lyu på Storøyn. Det er fortalt at under flaumen batt dei båten i gangstolpen.

Langedrag er rimelegvis rydda i gamalnorsk tid, og vart etter øydetida teken opp att i 1650-åra og skattemessig klassifisert som øydegard.

I *1661* betalde Embrek Granum 1/8 tønne bygg i tiende. Matrikkel *1723:* Granum har skog til husbehov, sagtømmerskogen er nesten uthoggen, men kan vekse til med tida. Det finst inga seter. Flaumkvern. Garden ligg måteleg til, og tek tidvis skade av elva når flaumen er stor. Matrikkel *1761:* Årleg kan hoggast 20 tylfter sagtømmer. Pengar til skattar og utgifter kjem i fyrste rekkje frå skogen.

Frå 1754 og nokre tiår framover er det tale om to delar av garden. Ved sal i 1828 vart Langedrag delt på nytt. I

1856 vart skogen til den eine halvdelen, bruk B, fråseld som bnr. 2, medan resten gjekk inn att i hovudbølet, bnr. 1. Herifrå vart nørdre Lie bnr. 4 utskild i 1904, Sandvike bnr. 6 i 1908, bureisingsbruket Granum bnr. 8 i 1928 og midtre Lie bnr. 12 i 1950.

I 1782 er det ikkje nemnt nokon plass, men frå slutten av same tiåret budde det folk i Langedragslien. Frå om lag midten av 1800-talet var det to plassar i Lien, nørdre og midtre Lie. Båe vart sjølveigarbruk, nørdre Lie i 1904 og midtre Lie i 1950. Midtre Lie er no nedlagd. Plassen Sandvike vart sjølveigarbruk i 1908, medan Sveinedokke vart fråflytta og nedlagd etter husmannstida. Kristoffer T. Langedrag f 1908 hugsa at husmennene som arbeidde på garden, måtte svara 1 veke i våronna, 2 veker i slåttonna, 1 veke i skuronna og 1 veke med tresking om vinteren.

I *Sagbekke* eller *Kvednabekken* var det sag og kvern. Ved ei synfaring på saga i *Skarabekke,* rimelegvis seinare *Sagbekken,* i 1821 heiter det at saga var ei flaumsag, hadde ikkje vore i bruk på nokre år, men no vart det arbeidt for å setja ho i stand. Det kunne berre skjerast 2 tylfter årleg.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	4	9	13

	Bondefolk	Tenestefolk	Husmannsfolk	Handverksfolk	Arbeidsfolk	Fattigfolk	Andre	
1782	5	3						8
1801	5	2	7					14
1865	9		30					39
1900	9	2	31					42

Husdyrhald, utsæd og avling 1657—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1657	1	13	12			
1723	1	6	6	2 1/4		
1761	2	8	16	4	15	8 lass
1782	1	10	20	5 3/4	23 1/2	20 lass
1866	2	10	16	7 1/4	40 1/4	74 skpd.
				korn		
				7	40	
				poteter		

Eigarar

Den eldste kjende eigaren er krona. Frå 1671 er Ove Brockenhus oppført som eigar i skattelistene, og frå 1683 Laurits Lauritsen. Laurits Lauritsen hadde då alt hatt garden i pant ei tid. På hausttinget på Søreim i Aurdal let han lesa ein obligasjon ferda ut av Ove Brockenhus på 560 rd. med m.a. Langedrag eller Granum som pant. Denne obligasjonen var innløyst av Laurits Lauritsen frå fru Berit Trolle.

I 1693 selde tidlegare fut Johan von Cappelen fleire eigedomar, m.a. 3 skinn i Langedrag, til verbroren Gerhard Treschow, tollar i Kristiania. Eigedomane var arv etter mora Anne Sørensdotter. Gerhard Treschow selde i 1699 til brukaren Kristafer Arneson.

Bruk og husmannsplassar

I 1655 betalde *Tore Embrekson* 3 rd. i fyrstebygsel av 3 kalvskinn krongods i ein øydegard kalla Granum. Tore må vel vera identisk med *Tøstein Granum,* som betalde kvegskatt i 1657, og son til den *Embrek Granum* som er oppført som brukar nokre år frå 1656. I det gamle Aurdal prestegjeld fanst fleire gardar med namnet Granum. Men garden til Embrek og Tøstein må vera identisk med Langedrag, for i 1657 er Tøstein oppført blant andre øydegardsmenn — som svara same skatt — i Reinli anneks. I 1664 var Tøstein Embrekson på Braka på Leirskoge, og budde sidan der, sjå Braka 44/bruk II. Også Embrek, far hans, kom til Braka.

Kona til Tøstein Embrekson heittte Tøren Gudbrandsdotter, d 1717 95 år gamal. I ei sak om Øyhus i februar 1717 var Tøren vitne, men var for svak av alderdom til sjølv å kunne møte på tinget. Tøren opplyste at for over 60 år sidan, medan ho sat på Langedrag, fekk ho lov av Bjørn Øyhus til å ha haustseter i Lundo, og oppføre ei lita høylyu der.

I 1658 betalde «Erland Hieronimussen» 3 rd. i fyrstebygsel av ein rødningsplass kalla Granum, og same år tredjeårstake for 2 kalvskinn krongods. «Erland Hieronimussen» må vera *Ellend Jeremiasson* eller den *Ellend Granum* som er oppført som brukar 1666—70. I matrikkelen 1667 er *Ellend* oppført som brukar både på Granum og nedre Sørflaten, sjå Skaratn om han.

I 1664 er *Jakob Knutson,* 36 år, brukar. Jakob kom etter nokre år til Skar, der han er oppført i 1667, og bytte gard med Aslak Tølleivson i Skar, sjå også Skar. Seinare vart Jakob brukar i Åse, sjå der.

Aslak Tølleivson f ca. 1611 må ha vore gm *Lokris Ivarsdotter* f ca. 1634 d 1704 på Langedrag. Lokris hadde før budd på Kvål, sjå der, og i vitneprov i rettssaker heiter det at ho gifta seg opp att til Langedrag. Det må ha vore med Aslak, som er nemnd som brukar frå 1671 til 1689.

Frå 1690 står son til Lokris Ivarsdotter og Arne Knutson Kvål, *Kristafer Arneson,* som brukar. Han var gm *Tøren Andersdotter,* Tronhus, f ca. 1662 d 1751. Ved skiftet etter Tøren i 1754 var bruttoeiga 16 rd. og nettoeiga 12 rd. Barn:

1. Dorte gm Hølje Aslakson Hølle, sjå Hølle 2/1.
2. Ingrid gm Erik Andersson Bagn, sjå Bagn, ukjend bustad.

3. Lokris f ca. 1690 gm Ola Herbrandson Lundatn, sjå Lundatn, ukjend bustad.
4. *Arne* f 1693, neste brukar.
5. Siri f 1695 g 1. m Per Knutson nørdre Langøydgarden, g 2. m Ola Olson Ølmhus.
6. Anders f 1697 d 1697.
7. Beret f 1698 gm Ola Olson Ølmhus, sjå nørdre Lundatn 50/11.
8. Anders f 1703 gm Guri Olsdotter, sjå Leikebakke.
9. Knut f 1704 gm Siri Olsdotter, sjå søre Lundatn 50/8.

Kristafer kjøpte garden i 1699 av Gerhard Treschow, men selde i 1702 til Timann Gullikson Torsrud og kona Anne Mikjelsdotter for 98 rd. Venteleg fann Kristafer ut at kostnaden med å eige sjølv, vart for stor, for i oktober 1703 fekk han bygselsetel av Timann Torsrud. Timann overdrog i 1713 odelsretten til Langedrag til Kristafer for 24 rd. etter å ha kjøpt retten i 1707 av oberstløytnant Jørgen Otto Brockenhus.

Ved skiftet etter Timann Torsrud i 1715 tilbaud son til Kristafer, Arne Kristaferson, seg å løyse inn Langedrag, og fekk skøyte frå arvingane for 121 rd. i februar 1716. I 1736 kjøpte Arne odelsretten frå medarvingane sine for 41 rd.

Arne Kristaferson Langedrag f 1693 d 1762 g 1720 m *Ingrid Olsdotter* frå Ølmhus f ca. 1692 d 1764. I 1746 kjøpte Arne Kristaferson 2 skinn eller bruk I av Braka, og i 1750 1 skinn av bruk II. I 1752 heiter det at Arne budde på Braka. Barn:

1. Siri f 1720 gm Arne Simenson Skarasetre.
2. Dorte f 1722 g 1. m Ellend Simenson Skaratn, g 2 m Sjugurd Håvårdson Espelie, sjå Skaratn 47/1.
3. *Ola* f 1724, brukar på ein part.
4. *Kristafer* f 1727, brukar seinare.
5. Arne f 1730 mogleg gm Kari Trondsdotter, sjå Gladhaug.
6. Anders f 1736 g 1. m Sofia Andersdotter Bagn, g 2. m Anne Gudbrandsdotter Haugsrud, sjå båe gonger nedre Bagn bruk Ia.

I 1754 selde Arne Kristaferson halve Langedrag eller 1 1/2 skinn med m.a. innreiinga i nystugu for 250 rd. til eldste sonen *Ola Arneson* f 1724 d 1757 g 1751 m *Barbro Gudbrandsdotter* frå søre Haugsrud f 1732 d 1761. Barn:

1. *Ingrid* f 1752, neste brukar.
2. Arne f 1753 d 1754.
3. Ingebjørg f 1755 gm Ellend Ivarson nørdre Leistrud.
4. Marit f 1757.

Barbro Gudbrandsdotter g 2. 1758 m *Ola Olson øvre Brattrud* f 1733. Dei heldt fram med å bruke garden. Barn:

1. Gunhild f 1759 gm Ola Gudbrandson Hestkinn, sjå Langedragslie.
2. Ola f 1761.

Ola Olson g 2. 1762 m *Jøren Nilsdotter Storøydgarden,* sjå nedre Storøydgarden bruk I.

Den andre halvdelen av Langedrag brukte *Ingrid Olsdotter,* frå 1762 enkje etter Arne Kristaferson. I 1762 overdrog dei andre arvingane arven sin etter Arne for 360 rd. til Kristafer Arneson, som kjøpte denne parten av mora i februar 1764. Kristafer var då kalla Kristafer Arneson Jukam. Salet skjed-

de trass i at Gudbrand Haugsrud, formyndar for døtrene til Ola Arneson, i 1757 hadde stemna Arne Kristaferson til å høyre vitne om at Ola Arneson var lova å få kjøpe også denne halvdelen etter at Arne var død.

Livauret til Ingrid, etter kontrakt frå februar 1764, skulle vera 2 tønner reint korn, 1 tønne blandkorn, 1 tønne brødkorn, røkt og stell av 2 kyr, varmt hus på garden, og hest til og frå kyrkja og når det elles vart kravt. Når Kristafer heldt seg etter kontrakten, skulle han ha dei 200 rd. som var arven til Ingrid etter Arne. Når ho døydde, skulle Kristafer ha 100 rd. medan dei andre 100 rd. skulle delast mellom samtlege barn og arvingar.

Livaurskontrakten var berre kort tid i kraft, for Ingrid døydde nokre månader seinare same år.

Kristafer Arneson Langedrag f 1727 gm *Ingrid Eriksdotter,* enkje frå Rudstaden, Nordre Land. Kristafer vart eigar av båe halvdelane, og selde i 1770 den eine til mannen til brordottera Ingrid, *Tåmås Ivarson,* for 250 rd. I 1771 inngjekk Kristafer og Tåmås delekontrakt om skogen.

Den andre halvdelen selde Kristafer i 1780 til stesonene *Mikjel* og *Lars Larssøner,* sønene til kona Ingrid. I 1781 selde dei for 790 rd. til verbroren *Sjugurd Arneson nedre Storøydgarden* gm *Anne Larsdotter,* syster deira. Sjugurd selde seinare same år for same sum til *Kristafer Arneson.* 130 rd. av kjøpesummen skulle betalast til Lars Larsson Kolterud i Land, som hadde lånt Sjugurd pengar. I 1782 selde Kristafer for 499 rd. til brordottera *Ingrid Olsdotter.* Ho og mannen Tåmås åtte dermed heile garden.

Tåmås Ivarson Bagn, nedre Bagn bruk III, f 1739 d 1823 g 1768 m *Ingrid Olsdotter Langedrag* f 1752 d 1803. Ved skiftet etter Ingrid i 1810 var bruttoeiga 2542 rd. og nettoeiga 2055 rd. Barn:

1. *Ola* f 1772, neste brukar.
2. Tora f 1776 gm Ola Olson Hølersetre.
3. Barbro f ca. 1779 gm Arne Olson søre Vøll.
4. Ivar f 1783 d 1799.
5. Kristafer f 1786.
6. Hallvor f 1789. Denne Hallvor eller ein yngre bror med same namn døydde i 1792.

Ola Tåmåsson f 1772 d 1843 fekk skøyte av skifteforvaltaren i 1812 for 2200 rd., g 1803 m *Marit Olsdotter søre Lie* f 1774 d 1866. I 1825 selde Ola Tåmåsson setra Heggebu under Langedrag, skyldsett i 1826, til Ola Olson Bagnsjordet. Barn:

1. Ingrid f 1804 gm Arne Arneson nørdre Øyhus.
2. *Tåmås* f 1805, neste brukar.
3. Dorte f 1807 g 1. m Sjugurd Ellendson Skaratn, g 2. m Reiar Reiarson Dølve, sjå båe gonger Skaratn.
4. Barbro f 1809 gm Isak Andersson nedre Skjerstein.
5. Ola f 1812 gm Anne Høljesdotter Humleberg, sjå Tåmåsbrøtin under Steinsetren.
6. Anne f 1820 gm Tåmås Reiarson Dølve, sjå Skarasetre 47/2.

Livauret frå Ola til faren etter kontrakten i 1812 hadde ei årleg verdi av heile 360 rd. Tåmås skulle ha 8 tønner bygg, røkt og stell av 3 kyr og 8 småkrøter samt avkjømet frå vår til haust, til slakt om haus-

ten 1 naut og 4 småkrøter, 1 tønne malt, 1 tønne poteter, 1 tønne kålrot, 8 settingar rug, 10 alen lerret og 10 alen strie, hest til reiser, og varmt hus og anna husrom til tinga sine på garden. Det heiter også at Tåmås «har rett til å pretendere (hadde krav på) en god og fredelig omgang, således og med de plikter som børn i alminnelighet skylder deres foreldre.»

I 1828 selde Ola Tåmåsson halve garden, bnr. 1, for 400 spd. til sonen Tåmås, og den andre halvdelen, bruk B, for same sum til Ola Mikjelson Høve.

Langedrag bnr. 1

Tåmås Olson Langedrag f 1804 d 1873 g 1834 m *Kari Knutsdotter Fjell* f Ton 1812 d 1897. Barn:

Kari Knutsdotter f Ton 1812 og Tåmås Olson Langedrag f 1804.

1. Marit f 1835 gm Ola Hermannson Hølersetre, sjå Dølvesmarke 48/4.
2. Ola f 1837 d 1837.
3. Ingebjørg f 1839 gm Harald Erikson øvre Lundatn.
4. *Ola* f 1842, neste brukar.
5. Knut f 1844 d 1849.
6. Ingrid f 1847 gm Ola Olson Juvesetre, sjå Juve 48/29.
7. Kari f 1850 gm Ola Olson Erstad, sjå nørdre Erstad 33/4.
8. Olea f 1854 gm Ola Olson Viste, Vestre Slidre, dei budde til sist på Lillehammer.
9. Dorthea f 1854, tvilling med Olea, gm Steingrim Arneson nørdre Øyhus, kjøpt Revling, Vestringsbygde.

I 1856 vart skogen frådelt bruk B, og sjølve garden seld til bnr. 1.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 32 mål ganske god åker og dyrka eng, 68 mål vanleg slåtteland, frå setrar og utmark kom 34 skpd. høy, hamninga var nokonlunde tilstrekkeleg, 10 tylfter furutømmer kunne hoggast, og dei lauva 1500 kjerv. I 1865 hadde dei 2 hestar, 12 naut, 12 sauer, 9 geiter, 2 grisar, og sådde 1/8 tønne rug, 1 1/2 tønne bygg, 4 1/2 tønner blandkorn, 1/2 tønne havre, 1/4 tønne erter og 7 1/2 tønner poteter.

Tåmås Olson selde i 1873 for 600 spd. til sonen *Ola Tåmåsson* f 1842 d 1915 g 1875 m *Ingrid Arnesdotter søre Fønnhus* f 1858 d 1930. Barn:

1. *Thomas* f 1876, neste brukar.
2. Arne f 1878 gm Inger Marie Kristoffersdotter Koppervik, sjå Smedlund 50/24.
3. Anton f 1880 gm Guri Andreasdotter Lundene, til Ramnes, Vestfold.

Thomas Olson Langedrag f 1876 og kona Karine Erlandsdotter f Stensæter 1880 hadde femten barn, her med fjorten av dei. Foran frå venstre tvillingane Kristian og Sigrid, deretter Gunborg, Marit og Kristen. Andre rekkje: Arne, Thomas, Thomas Olson, Erland, Karine Erlandsdotter og Kristoffer. Bak: Ola, Ingrid, Ragnhild, Kari og Anne. Yngstebarnet, Gudrun f 1919, er ikkje fødd enno.

4. Olaf f 1884 gm Marie Listerud, til Ramnes, Vestfold.
5. Georg f 1886 d i spanskesjuken 1918, var forlova med Emma Olsen, Bagn. Georg var også i Ramnes, og hadde kjøpt gard der likeins med brørne sine.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med steintak. 2. Eit stabbur med bordtak. 3. Ein låve med flistak. 4. Ein stall med bordtak. 5. Eit bryggerhus med jordtak.

Thomas Olson Langedrag f 1876 d 1948 fekk skøyte i 1910, g 1897 m *Karine Erlandsdotter Stensæter* f 1880 d 1923. Thomas fekk i 1895 dottera Inga, d som liten, med Ragnhild Olsdotter Dokkebakkatn. Thomas var ein driftig gardbrukar. På Skrikkarvølle flytta han setertunet og bygde nye hus, og heime bygde han saghus og delvis nytt fjøs. Thomas var ein av dei fyrste som brukte kunstgjødsel i bygda. Av den grunn vart han kalla «Tåmåsfosfaten», heiter det. Barn til Thomas og Karine:

1. Ingrid f 1897 gm Engebret Antonson Langødegård.

2. Ragnhild f 1899 gm Knut Haraldson Sørflaten, sjå Torstad 30/33.
3. *Ole* f 1900, neste brukar.
4. Kari f 1902 gm Olaf Gladhaug, Hølera.
5. Anne f 1904 gm Harald Brattrud, sjå midtre Brattrud 23/9.
6. Erland f 1906 gm Karoline Hoff, til Tingelstad på Hadeland.
7. Kristoffer f 1908 gm Asbjørg Gudny Bergsund, sjå Granum 51/8.
8. Thomas f 1909 gm Marie Øyhus, sjå søre Øyhus 50/15.
9. Arne f 1911 Olga Ingebjørg Hoff, Bagn.
10. Kristen f 1913 gm Gudveig Aschim, til Bilitt, Østre Toten.
11. Sigrid f 1915 gm Anders Odden, Aurdal.
12. Kristian f 1915, tvilling med Sigrid, f 1915 gm Lilly Sagen, Eina.
13. Gunborg f 1916 gm Ole Renden, Begnadalen.
14. Marit f 1917 gm Syver Strandbråten, Begnadalen.
15. Gudrun f 1919 gm Einar Tronsplass, Bagn.

I 1937 fekk *Ole Thomasson Langedrag* f 1900 d 1968 auksjonsskøyte, g 1928 m *Sigrid Andreasdotter Lundene,* nørdre Lundatn 50/11, f 1897 d 1965. Barn:

1. Karine f 1929, drukna i Begna 1952.
2. Ingebjørg f 1930 gm Erik Lineikro, sjå Haugtun 32/33.
3. *Thomas* f 1939, neste brukar.

Thomas Olson Langedrag f 1939, eigar frå 1968, gm *Odbjørg Paulsen,* Bilitt, Østre Toten, f 1949. Barn:

Ole-Birger f 1973.

Langedrag har 40 da. dyrka jord, dels heime langs Begna og i tillegg Liamyre på Leirskoge, oppdyrka av Thomas O. Langedrag kring 1979. Skogen er på 1000 da. Dei slutta med kyr i 1963. Sidan har det vore drive med fôringsdyr, smågrisproduksjon og turisme.

Mot grensa til Steinsetre ligg *Skiftesåker'n,* og nordafor der *Bergaåker'n.* Nord for husa er *Badstuguåker'n* og *Kveaåker'n.* Her var også hamnehagen *Kvilingsteinhaugen.* Lengre nord låg *Eikeråker'n* og *Krokåker'n.* Nord for Sagbekke, no under Granum, heitte det *Engitn.* På *Fjøsåkere* var eit sumarfjøs i eldre tid. Ved Begna var slåttelanda *Vesleøye, Hølmin, Storøye* og *Veslesetre.* Mellom Vesleøye og Hølmin ligg *Purkehølen,* der det drukna ei purke i den tida grisane gjekk i skogen og på innmarka om sumaren. I *Krokåkerhauge,* på *Hølma* og *Storøyn* var tre utlyur.

I 1923 kom treskjeverk, før hadde dei køyrevandring for to hestar. For å drive saga vart det i 1917 kjøpt ein bensinmotor av Harald Hougsrud. Det er fortalt at Ole Langedrag i 1904 selde nørdre Lie og kjøpte slåmaskin og høyrive for pengane.

Husa no er våningshus 1956, låve med fjøs, eit gamalt stabbur og ei gamal smiu. Kring 1920 fanst også småkrøterhus, grisehus, badstugu, eldhus og reiskapshus med skåle. Småkrøterhuset vart rive då nytt fjøs vart bygt inntil låven i 1923. Den gamle bygningen vart riven i samband med oppsetjinga av den nye.

Då Kristafer Arneson i 1699 kjøpte Langedrag av Gerhard Treschow, var også Leikebakke med i handelen. Matrikkelen 1723 opplyser at Leikebakke

vart brukt som seter under Granum, eller Langedrag. Setra Heggebu på Hellebekksetro vart fråseld i 1825. Seinare har Langedrag hatt seter på Skrikkarvølle i sameiga. Drifta tok slutt i byrjinga av 1960-åra.

Langedrag bruk B

Av ein eller annan grunn ynskte Ola Tåmåsson Langedrag å dele eigedomen. I 1828 selde han den eine halvparten til sonen Tåmås og den andre for 400 spd. til *Ola Mikjelson Høve* gm *Eli Hallsteinsdotter Kvål,* sjå nørdre Torsrud 30/6.

I 1833 selde Ola Mikjelson for 275 spd. til *Ellend Mikjelson Bagn* f ca. 1803 g 1833 m *Marit Mikjelsdotter søre Lie* f 1807. Barn:

1. Tora f 1834.
2. Mikjel f 1835 d 1835.
3. Jøren f 1836.
4. Ingebjørg f 1836, tvilling med Jøren.
5. Mikjel f 1841.
6. Dorte f 1843.
7. Ola f 1846.
8. Elling f 1848.
9. Martin f 1853.

Ellend Mikjelson selde i 1856 skogen under garden, bnr. 2, for 800 spd. til *Mikjel* og *Arne Arnesøner Fønnhus,* og sjølve garden same år for 700 spd. til Tåmås Olson på Langedrag.

Langedragslie

Høgt oppe i dalsida over Langedrag og Steinsetren ligg tre gamle plassar med namnet Lie, under eitt kalla Liaplassane: Øvst nørdre Lie, nedafor Midtlie og nedst Liabekklie. Dei to fyrstnemnde høyrde under Langedrag, medan Steinsetre åtte Liabekklie. Nørdre Lie har òg vore kjend som *Øspelie* og *Lussiplassen,* som må vera etter *Lussi Olsdotter Garthus* som døydde som legdsfattig i Langedragslien i 1843, 88 år gamal. Lussi var gm Ola Arneson Skarasetre, sjå øvre Storøydgardseige om dei.

I den eldste tida vart namna Liabekklie og Langedragslie mogleg nytta noko om kvarandre. Iallfall ferda Arne Granum — Arne Kristaferson — i 1751 ut bygselsetel til *Ellend Amundson* og kona hans, *Marit Tøsteinsdotter,* sjå Bagn, ukjend bustad, på plassen Liabekklie for 3 rd. i årleg leige. I 1752 er Ellend og Marit derimot nemnde under Langedrag, men var før på ein stad under Steinsetren.

Kven som er eldst av plassane nørdre Lie og Midtlie, er uvisst. Iallfall er det brukarrekkja i Midtlien som let seg fylgje lengst attende.

I Midtlien, eller Langedragseige, er *Ola Gudbrandson,* son til Gudbrand Olson Hestkinn, f ca. 1755 d 1806 i Langedragslien og kona *Gunhild Olsdotter Langedrag* f 1759 d 1847, nemnde frå 1787. Barn som me kjenner:

1. *Gudbrand* f 1784, neste husmann.
2. Ingebjørg f 1787, fekk i 1817 tvillingane Ola og Gunhild med Anders Jonson Rebne frå Slidre.
3. Barbro f 1793 d 1796.
4. Kari f 1796.
5. Valdres 15.1.1924 nemner dessutan Gunhild f i Lien ca. 1785 som dotter til Ola Gudbrandson. Gunhild drog heimanfrå for å gjete åtte år gamal. Etter konfirmasjonen reiste ho ut på «storbygdene» for å ta teneste.

Ho festa seg i fem år på garden Gjestvang, Nes på Hedemarken. Så kom ho heim til dei fattige foreldra sine. Faren hadde dessutan vorte vanhelsa under krigen i 1788. På nytt drog Gunhild til Hedemarken, denne gongen for ti år. Neste gong ho kom heim, var faren død. Gunhild vart seinare på Gjestvang all sin dag. Folka der hadde tinga ho som budeie så lenge ho var i stand til å arbeide.

Gudbrand Olson og kona Ingebjørg Timannsdotter fekk festesetel i 1815.

Gunhild Olsdotter, no enkje, hadde overlate bruksretten til Gudbrand. Etter kontrakten med Ola Tåmåsson Langedrag skulle leiga på 4 rbd. betalast i arbeid: 6 dagar for ein vaksen kar i våronna, 12 dagar i slåttonna, 4 mål skur og resten som arbeid mellom onnene. Husa skulle frå no høyre til Gudbrand.

Gudbrand Olson døypt i Bruflat 1784 d 1866 gm *Ingebjørg Timannsdotter* f ca. 1790 d 1873. Barn:

1. Mogleg Gunhild f ca. 1812 gm Ola Arneson Fønnhuseige, sjå Håvårdsonplassen under Skaro.
2. Ola f 1814 gm Anne Andersdotter Myra, sjå nørdre Langedragslie 51/4.
3. Timann f 1816 gm Marit Olsdotter Sørflate, sjå nedre Seterbrøtin under Tronhussetren.
4. Aslak f 1820 gm Mari Olsdotter Dalen, sjå Aslaksrud under nedre Storøydgarde.
5. Anders f 1822 gm Dordi Arnesdotter Braka, sjå Sveinedokke under Langedrag.
6. Ola f 1825, til Danmark 1851, gm Kari Dagfinnsdotter, sjå Brattebakke 44/17.
7. Marit f 1827 g 1. m Amund Kristaferson Bøle, g 2. m Hallvor Andersson, sjå båe gonger Skarabrøtin under Skaro.
8. Anne f 1830 gm Erik Olson Bakkebrøtin, sjå Knutsonlie 22/12.
9. Barbro f 1836 gm Erik Olson Tuv, Slidre. Dei fekk dottera Marie i Langedragslien i 1860, og reiste til Amerika i 1861.

Nørdre Langedragslie bnr. 4

I 1844 fekk Ola Gudbrandson Langedragslie festesetel på nørdre Lie, den øvste av Liaplassane, 534 m o.h. Plassen var då kalla *Lussiplassen.*

Ola Gudbrandson Langedragslie f 1814 d 1908 g 1840 m *Anne Andersdotter Myra* f 1818 d 1914. Barn:

1. Ingebjørg f 1841 gm Mons Gulson Steinbrøtin, sjå Hølt 54/33.
2. Gudbrand f 1843, fekk i 1877 sonen Olaf Ingvald, gm Inger Jakobsdotter Strømshaugen, med Gunhild Nilsdotter Sørbøenseige.
3. Anders f 1845 — Anders Lønnum — g 1. m Gunhild Aslaksdotter Haugsrudeige, g 2. m Olea Olsdotter Bakkom, sjå båe gonger Lønnum 49/5. Anders fortel i Valdres 1910 eit barndomsminne frå vinteren etter flaumåret 1860, sjå Brubakkin 39/23.
4. Anna Maria f 1848 gm Eivind Arneson Kambaeige, sjå Rundbrøtin under Steinsetren.
5. Ole f 1850 gm Lisa Kristensdotter (Martinsdotter) Hanastad, Land, sjå Brattebakke 44/17.

6. Kristine f 1853 g 1. m Ola Narveson, sjå Brattebakke 44/17, g 2. m Andreas Trondson Bakkin, Nord-Aurdal, sjå Liamyre 47/8.
7. Ole Andreas f 1855, skreddar, gm Nikoline Gunilla Nilsdotter Stutlia, Nordre Land, utvandra.
8. *Thorvald* f 1857, neste brukar.
9. Gustav Anton f 1859 gm Inger Pedersdotter Rødningen, i 1900 i Midtlien, sjå der.
10. Anne f 1864 gm Anton Olson Ivarsbrøtin, sjå Huset 7/5,6.

Ola Gudbrandson var ivrig etter å skaffe seg kunnskap om landbruk. Han dyrka kålrot som ein av dei fyrste i bygda, og fornya potetene ved å samle og så frø. Valdres 19.11.1903 fortel at Ola var den fyrste som tok til med hagebruk, grønsak- og fruktdyrking «av de såkalte småfolk i Sør-Aurdal».

I 1865 hadde dei 1 ku, 6 sauer, 4 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg, 1/4 tønne blandkorn, 1/16 tønne erter og 9 1/2 tønner poteter.

Thorvald Olson Lien f 1857 d 1935 kjøpte bruket i 1905 etter skylddeling året før, g 1887 m *Kari Gundersdotter Lundoeige,* Ivarsbrøtin 55/4, f 1867 d 1945. Thorvald var nokre år i 20-årsalderen i Amerika, og kom attende ca. 1880. Av Anton Langødegård kjøpte Thorvald eit stykke av Håvårdsmyre, som han dyrka og rydda. I ei lita stugu på myra, Skogheim, budde han og Kari på sine gamle dagar. Barn:

1. Anna f 1888 gm Anders Monsson Bergene, sjå Fjelleng 44/14.
2. Lina f 1890 gm Martin Arneson Bråten, Nordre Land, sjå Myrvang 44/23.

Kari Gundersdotter f 1867 og Thorvald Olson Langedragslien f 1857.

3. Marit f 1893 gm Georg Evenson Rundbråten, sjå Skarabrøtin under Skaro.
4. Ingeborg f 1895 d 1911.
5. Ole f 1898 d 1933, budde ei tid på Liamyren 47/8 før han flytta til Sveingjerdet, Land.
6. *Gunnar* f 1900, neste brukar.
7. Klara f 1902 gm Arne Andersson Bjørneskaret, til Canada 1930.
8. Gissur f 1905, til Canada 1929.
9. Tormod f 1907 gm Magnild Olsdotter Brager, sjå Skogheim 41/11. Tormod reiste også til Canada i 1929, men kom attende før krigen.
10. Kåre f 1909, til Canada 1929.

Gunnar Thorvaldson Lien f 1900 d 1983, eigar frå 1935, g 1926 m *Thora Olsdotter Thomasbråten,* Tåmåsbrøtin under Steinsetren, f 1906 d 1973. Barn:

1. Ole f 1926 d tre veker gamal.
2. Kari f 1927 gm Einar Rundbråten, Hølera.
3. Olaug f 1931 gm Sverre Sørlie, Hedalen.
4. Gunvor f 1935 gm Ole Moen, Åsebygde.
5. *Torbjørn* f 1941, neste eigar.

Nørdre Lie ligg brattlendt til og har ca. 500 m til næraste granne. I 1955 vart det arbeidt bilveg, som tek ned ved Leirskogen kapell. Før var det gangveg både opp til Leirskogen og ned til dalbotnen.

Dyrka jord er ca. 12 da., areal i alt ca. 150 da. Dei slutta med krøter i 1955. Gamle namn er *Langåker'n, Brøtin* — der tunet nå ligg, og *Hagaflate.*

Det eldste tunet låg lengre ned. Husa var bygde av Ola Gudbrandson f 1814. Her var stugu med kammers og kjøken, låve, og fjøs med grisehus. På nytunet er bygningen den gamle stugu, oppflytta i 1918 og påbygd og restaurert i 1953, uthus frå 1965 og eit gamalt stabbur.

I 1905 kjøpte Thorvald Olson Gravsetre av O.M. Øvergaard, seinare seld til Tormod Lien, som selde att til Trygve Dalen, Leirskogen. Seterdrifta frå nørdre Langdedragslien tok slutt i 1947. I 1930-åra hadde dei hesteslåmaskin som Gunnar Lien bytte til seg av Erik Skjærstein mot ein gris. Grisen gjekk Gunnar med frå Gravsetren til Skjerstein.

Sandvike bnr. 6

I Sandviken ved Begna, overfor Koparviken, er dei fyrste kjende husmannsfolka *Anders Olson,* mogleg frå ein plass på Garthuseiga og f 1804, d 1890 gm *Ingrid Håvårdsdotter,* dotter til Håvård Person frå Brone i Land og Beret Sjugurdsdotter, f 1808. Dei er nemnde på Skaroeige i 1833, men deretter på Langedragseige og i Sandviken frå 1836. Barn:

1. *Ola* f 1833, neste husmann.
2. Andreas f 1836 d 1849.
3. Beret f 1839.
4. *Ola* f 1842, husmann seinare.
5. Hallvor f 1844 d 1849.
6. Anders f 1847, til Amerika 1873.
7. Andrea f 1850 gm Hølje Hallvorson Kjørum, Lykkja 13/29. Dei fekk i 1873 dottera Karine, og utvandra.
8. Hallvor f 1853, til Amerika 1873.

I 1865 var *Ola Andersson d.e.* f 1833 og kona *Siri Ellendsdotter* f ca. 1837 husmannsfolk. Ola reiste til Nord-Aurdal i 1863, og Siri Ellendsdotter var nok derifrå. I 1875 var ho tilreisande i Sandviken, og kalla Siri Ellendsdotter Sundvøll. Barn i Sandviken:

1. Inger f 1864.
2. Erik f 1865.
3. Berthe f 1867.

I 1865 hadde dei 2 naut, 3 sauer, 7 geiter, og sådde 1/16 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 1 1/4 tønne poteter.

Husmannsfolk i 1875 var *Ola Andersson d.y.* f 1842 g 1. 1868 m *Siri Olsdotter Skaroeige,* Bjødnaskaret 47/9, f 1849 d 1876. I 1864 fekk Ola

Gravferd i Sandviken i juni 1927 etter Arne Bjørneskaret, som gjekk under namnet «Skalin». Bakarste rekkje frå venstre: Anders Bjørneskaret, Arne Bjørneskaret, Torbjørn Torsteinsen, Ingebjørg Bjørneskaret, Berthe Holt, Ola Bjørneskaret, Arne O. Langedrag og Andreas Bjørneskaret. Andre rekkje: Klara Lien Bjørneskaret, Syver Engen, Anna Bjørneskaret Engen, Torstein Torsteinsen, Gjertrud Torsteinsen, Inger Marie Langedrag, Gunhild Bjørneskaret. Dei tre som sit foran er Anna Konstanse Rundbråten, gift Hansejordet, Inger Bjørneskaret, gift Islandsmoen og Kirsti Torsteinsen, gift Framnes.

Sumarsbel vart det brukt lauvsal, som her, til å setja kista i, ein vakker skikk. Om vinteren laga dei barsal. Bak ser ein låven.

d.y. sonen Ole Andreas, g 1902 m Guri Olsdotter Øilund, med Beret Olsdotter Seterbrøtin, Skreddarbrøtin under øvre Tronhussetren. Ole Andreas og Guri reiste til Amerika. Barn til Ola og Siri:

1. Inger f 1869.
2. Gunhild f 1871.
3. Olaus f 1875.

Ola Andersson g 2. 1878 m *Gunhild Olsdotter Vabrøtin* f 1843. Barn i Sandviken:

Anders f 1879.

I 1882 er *Knut Hallsteinson* og *Ingebjørg Olsdotter* nemnde, sjå London under Sørbøen.

Anton Olson Ivarsbrøtin gm *Anne Olsdotter nørdre Langedragslie,* sjå Huset 7/5, 6, var husmannsfolk i 1891 og 1900. Nokre år etter flytta dei til Mjølnarsvee under Ølmhus.

I 1908 vart Sandvike utskild frå Langedrag, og seld i 1910 til *Arne Olson Langedrag* på Smedlund. Seinare leigde fleire familiar husvære. Fôret frå Sandviken vart frakta til Smedlund, og dyra frå Smedlund beita her vår og haust.

Tømmervelte med Granum i bakgrunnen ca. 1951. Dette tømmeret er frå Leirskoge, og vart køyrt ned Skarabakkatn. Slik har det lege tømmer langs Begna gjennom fleire hundreår, klart til å bli merka og slått på elva. Etterpå arbeidde brøtningskarane seg nedover elva, i båt og langs strendene, og reinska med seg alt. På tømmeret Trygve Langedrag, noverande eigar av Granum.

Sandvike hadde fleire slåttar: *Ivarshølen* lengst sør ved Begna, den braut Arne O. Langedrag opp, *Kvee*, på *Vikøyn* var det slåtte med lyu, og i skogen aust for husa låg *Gosen*.

Granum (før nørdre Langedrag) bnr. 8

Nørdre Langedrag, frå 1950 Granum, vart i 1928 utskild frå Langedrag som bureisingsbruk saman med plassen Sveinedokke. I 1938 selde Thomas Langedrag til sonen Kristoffer T. Langedrag, som bygde opp garden med driftsbygning 1938—39 og hovudbygning 1942. Den gamle stugu i Sveinedokken vart flytta ned og brukt til bustad ei tid. Ny hovudbygning 1974, og saghuset er frå 1953—54. Granum har ca. 30 da. dyrka jord og ca. 420 da. skog.

Kristoffer T. Langedrag f 1908 d 1987 gm *Asbjørg Gudny Bergsund* f 1913. Barn:

> *Trygve Kristian* f 1945, eigar frå 1975, gm *Kirsten Westerbø*, søre Svenes, Ulnes, f 1950. Dei har dottera Birgitte f 1985.

Då tyskarane i aprildagane 1940 kom att sørfrå andre gongen etter fyrst å ha vorte slått tilbake i Bagn, vart det utrygt nede i dalen. Familien på Granum drog då opp til Skaro. Turen ned dagen etter for å stelle krøtera gjekk utan overraskingar. Men utpå andre dagen vart Kristoffer Langedrag og Gudrun Bergsund, syster til Asbjørg, tekne til fange av tyskarane då dei skulle opp att. Fyrst vart dei førte over elva til

Flatmo i «Briskebye», og om kvelden til nørdre Øyhus. Gudrun fekk sleppe dagen etter, men Kristoffer var fange nokre dagar til. Heime på Granum hadde det vore tyskarar i mellomtida, som hadde gått laus både på mat og klede.

Skogtun

Bustadhus 1970, bygt av *Harald Stensæter* f 1942 gm *Gunvor Bakken*, Trysil, f 1943. Barn:

1. Håvard f 1967.
2. Geir f 1968.
3. Kjetil f 1971.

Kvilingstad bnr. 20

Bustadhus 1973, bygt av *Arvid Stensæter* f 1942 gm *Randi Øyhus* f 1946. Barn:

1. Ann Randi f 1967.
2. Øystein f 1971.
3. Asle f 1973.

Sveinedokke

I Sveinedokken, før også kallla *Langedragsdokke,* sør for Granum finst no ikkje hus. Stugu vart flytta til Granum. Om lag 1935 var husa stugu, låve med fjøs, og stabbur med skåle.

Husmannen plassen har fått namn etter, må vera *Svein Olson Åsen,* Tronhuseige, f 1762 d 1834 på Langedragseige g 1793 m *Gunhild Arnesdotter Tronhus,* Hellandshølen, f 1768 d 1867 på Gubberud. Dei var på ein plass under Åse 1794, og er nemnde på Fønnhuseige — sannsynlegvis Heiebråtin — 1797, -98 og 1808. Det må vera denne Svein Olson som i 1806 fekk dottera Beret på Fønnhuseige med Anne Østensdotter. I 1830 fekk Beret sonen Johan Bernt med Johannes Gulson Åsen. Beret døydde samstundes i barselseng. Barn til Svein og Gunhild:

1. Ola f 1794 gm Anne Arnesdotter Tronhuseige, sjå Hølt 54/33.
2. Beret f 1797.
3. Beret f 1798 gm Isak Halldorson Bagn, sjå søre Gubberud 37/6.
4. Anne f 1808 g 1. m Harald Arneson Åseneige, g 2. m Gudbrand Andersson Eidsbakkatn, sjå båe gonger Brøtalie 55/9.

Ola Sjugurdson Kyrkjebjørgeige, Kyrkjebjørgmoen 35/7, f 1815 d 1876 g 1843 m *Gunhild Tåmåsdotter Tømtoeige,* Tåmåsbrøtin under Tømto, f ca. 1820, er nemnde i Langedragsdokken og Sveinedokken 1846—57, og på Smedmoe 1859 og -61. I 1865 og -75 var Gunhild og Ola husmannsfolk i Mostugun under Tronhus, der Ola døydde. Barn:

1. Kari f 1843 gm Knut Julson Brakaeige, sjå Kjensrudhølet.
2. Sjugurd f 1846 gm Guri Embreksdotter Haftonseige, sjå Bergabrøtin 39/34.
3. Kristine f 1849.
4. Anton f 1852 gm Jøran Andersdotter Skørre, sjå Skørre 48/8.
5. Gjertrud f 1855 d 1861.
6. Tora f 1857 d 1858.
7. Herman f 1859.
8. Torvald f 1861.

Husmannsfolk i 1865 var *Anders Gudbrandson Langdragslie* f 1822 d 1877 i Sveinedokken g 1844 m *Dordi Arnesdotter Braka,* Braka 44/1, f 1822 d 1905. Dei er nemnde på nedre Stor-

øydgardseige eller Midtskogen 1844—50, på ein plass under Bagnsjorde 1853, i Rundbrøta under Sørflaten og Sørflatseige 1855—59, og i Langedragslien fyrst i 1865. Barn:

1. Ingebjørg f 1844 d 1846.
2. Ingebjørg f 1846 gm Arne Olson Bjødnaskaret.
3. *Gudbrand* f 1850, neste husmann.
4. Arne f 1853 gm Ingeborg Aslaksdotter Bakke, Land, f 1853. Barn som me kjenner: 1. Anders f 1876. 2. Andreas f 1879 g 1911 m Kari Olsdotter Haftonsbrøtin, Tåmåsbrøtin under Steinsetren, f 1888. Dei fekk dottera Ingebjørg i 1912.
5. Marit f 1855.
6. Ole f 1859 gm Kari Olsdotter Åseneige, sjå Hesjadalen 55/8.
7. Martin f 1865 gm Katrine Kristiansdotter, Nordre Land, sjå Nymoen 50/25.

I 1865 hadde dei 1 ku, 4 sauer, 4 geiter, og sådde 1/2 tønne blandkorn, 1/16 tønne erter og 3 tønner poteter.

Gudbrand Andersson Sveinedokke f 1850 g 1873 m *Oline Marie Hansdotter Bergseige,* Land, f 1852, var i Langedragsdokken 1874, på Åseneige 1876 og -79, men er nemnde i Sveinedokken eller Langedragseige frå 1881. Dei var husmannsfolk i Sveinedokken i 1900. Gudbrand Andersson bygde båtar. Barn:

1. Karine f 1874.
2. Anne Dorthea f 1876.
3. Mathea f 1879 fekk i 1900 dottera Gudrun Magna med Martin Monsson Holt.
4. *Anders* f 1881, sjå nedafor.
5. Ole Andreas f 1884.
6. Martin f 1886.
7. Inger f 1890.
8. Georg f 1893.

I 1904 og -06 er *Ole Erikson Storrustemoen* og *Anne Maria Johnsdotter Smedmoen,* sjå Gullberg 56/9, nemnde i Sveinedokken.

Anders Gudbrandson, rimelegvis son til førnemnde Gudbrand Andersson og f 1881, og *Margrethe Haldorsdotter* er nemnde i Sveinedokken 1910 og -12, på Skiftet i 1906 og på Nymoe i 1908. Barn desse åra:

1. Haldor f 1906.
2. Ole Andreas f 1908.
3. Maria f 1910.
4. Klara f 1912.

Det blir hugsa at *Anton* og *Georg Rundbråten* og *Olaf Thomasbråten* budde her seinare.

Midtlie bnr. 12

I Midtlien var *Gudbrand Olson* og kona *Ingebjørg Timannsdotter* husmannsfolk i 1865, sjå Langedragslie.

I 1865 hadde dei 3 naut, 5 sauer, 4 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

Husmannsfolk i 1875 og deretter var *Anders Amundson Lykkja,* i 1875 oppført som hjulmakar, gm *Astrid Olsdotter Tronrud*, sjå Bagnslykkja 39/9. Anders døydde i Midtlien i 1891, men Astrid budde her framleis i 1900.

I 1900 var *Gustav Anton Olson nørdre Langedragslie* f 1859 g 1898 m *Inger Pedersdotter Rødningen,* Bergheim 83/29, innerstar. Dei hadde då dottera Alma f 1898. Gustav var ei tid fotograf. Han reiste to gonger til Ame-

rika, andre gongen i 1903, og kom attende etter om lag fem år. I 1908 vart han vandrelærar for Norges Jeger- og Fiskeforening, og budde i 1929 på Eina. (Valdres 12.12.1929.)

Seinare var *Andreas Evenson Rundbråten,* sjå Brenne 44/21, husmann i ca. 20 år, og her budde også *Kristoffer Komperud*, *Martin Holt* og *Gunhild* og *Andreas Bjørneskaret.*

Den siste familien i Midtlien var *Marit Thorvaldsdotter* frå nørdre Langedragslien og barna hennar. Marit hadde vore gm *Georg Evenson Rundbråten,* og kom nokre år etter 1926 som enkje frå Finnhert, sjå der. Sonen *Eivind G. Rundbråten* kjøpte plassen i 1950, og flytta herifrå i 1955.

Bekkestugu

I 1875 var *Anders Olson nørdre Langedragslie* — Anders Lønnum — og *Gunhild Aslaksdotter Haugsrudeige* husmannsfolk med jord på ein plass under Langedrag kalla Bekkestugu. Anders var snikkar. Hjå dei losjerte Ola Narveson.

Langedragseige

Anders Eivindson Skarasetre gm *Gunhild Olsdotter Storøydgarden* er nemnde på Langedragseige i 1778, sjå Eivindsplassen under Ølmhus.

Arne Gunnarson Storøydgardseige, mogleg frå Islandsmoe og f 1751, d 1813 på Langedrag g 1782 m *Guri Hallvorsdotter* f ca. 1753, var husmannsfolk under Langedrag i 1801, og er nemnde her frå 1789. I 1782 og -85 var dei på ein plass under Storøydgarde. Barn:

1. Gunnar f 1782.
2. Siri f 1785.
3. Hallvor f 1789 d 1810.
4. Ingrid f 1792 d 1797.

Eivind Andersson Ølmhuseige gm *Anne Dortea Hansdotter Tronhuseige* er nemnde på Langedragseige 1817 og -26, sjå Eivindsplassen under Ølmhus.

Ola Olson Langedragseige g 1817 m *Ingebjørg Jensdotter Leistrud,* sjå Storøydgardseige.

Ola Andersson Langedragseige f ca. 1801 g 1838 m *Siri Høljesdotter Torsrudeige,* dotter av Hølje Erikson Skaveldoeige og Dorte Aslaksdotter Bagnseige, sjå Bagnseige, f 1816, er nemnde på «Flom av Langedragseie» 1839 og «Flom av Lundene» 1841. Barn desse åra:

1. Dorte f 1839.
2. Andreas f 1841.

Langedrag, ukjend bustad

I 1735 er *Mons Akselson Haug* og *Anne Olsdotter* nemnde på Langedrag, sjå Storøydgarden.

Arne Arneson Langedrag g 1755 m *Rønnaug Olsdotter.*

Hallstein Toreson Bjørgoeige g 1813 m *Olea Olsdotter Langedrag.*

Steinsetre

Gamalt matrikkelnr. 168, gamal skyld 2 skinn.
***1838:* Nytt matrikkelnr. 49, ny skyld 4 dalar 1 ort 4 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 52, skyld 10 mark 29 øyre.**

Steinsetre nede i dalbotnen på austsida av Begna grensar i vest mot Begna, i nord mot Langedrag, i sør mot Fønnhus, og i aust strekkjer skogen seg inn på åsen mot Leirskoge.

Rimelegvis høyrer Steinsetre til blant dei yngre mellomaldergardane. Men namnet kan vera nyare, eit minne om korleis garden ein periode vart brukt av andre medan han låg nede under øydetida frå seinmellomalderen. Ved midten av 1600-talet vart Steinsetre teken opp att, og skattemessig klassifisert i den lægste skatteklassa som rydningsplass.

Tiende *1661:* 1/2 setting bygg. Matrikkel *1723:* Det er skog til husbehov. Sagtømmerskogen er nesten nedhoggen, men kan vekse med tida. Får lov til å setre hjå andre. Flaumkvern. Jordarten er måteleg, og stor flaum i elva gjer stundom skade. Matrikkel *1761:* Pengar til skattar og avgifter kjem i fyrste rekkje frå jorda. Matrikkel *1782:* Ein husmannsplass.

I 1934 gjekk eit stort jordskred nørdst i jordet i Grosveen. Då hadde det vore kraftig regn, og Begna var også uvanleg stor.

Til 1737 er Steinsetre omtala som éin eigedom. Eigaren då selde garden, men heldt att all tømmerskog og skog som kunne vekse til tømmerskog, samt plassen Lie eller Liabekklie. Ein delekontrakt i 1765 fastsette grensene for plassen Lie med skog, i alt 1/2 skinn, medan skylda for resten vart 1 1/2

Steinsetre i mai 1945.

skinn. På 1800-talet vart Liabekklie skog oppdelt mellom fleire eigarar. Nokre partar kom attende til hovudbølet mot slutten av hundreåret. Den tidlegare plassen Liabekklie har no bnr. 4.

I 1803 vart skogen som då fanst til garden, fråseld til kammerherre Anker, og skyldsett i 1806 for 1 skinn. Skogen vart seinare kjøpt attende. Av husmannsplassane vart Tåmåsbrøtin bnr. 3 frådelt i 1823. Ved skylddeling i 1872 vart Lindokke med Grosvee frådelt som bnr. 1, medan det gamle hovudbølet fekk bnr. 2.

Under Steinsetren låg iallfall fire plassar: Liabekklie, Tåmåsbrøtin, Rundbrøtin og Lindokke. Oppe i Liabekklie skog, bnr. 7, fanst også ein liten plass eller bustad kalla Skogstad. Av dei fire fyrstnemnde er Tåmåsbrøtin og Rundbrøtin nedlagde. I Liabekklien budde det husmannsfolk til ut i 1890-åra, seinare vart plassen sjølvstendig bruk.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	1	5	6

	Bondefolk	Tenestefolk	Husmannsfolk	Handverksfolk	Arbeidsfolk	Fattigfolk	Andre	
1782	6	1	5				3	15
1801	10		12		1	2		25
1865	17		7			1		25
1900	16		16				1	33

Husdyrhald, utsæd og avling 1657—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1657		2	3			
1723	1	4	5	1 1/8		
1761	1	8	12	2	10	2 lass
1782	1	6	20	2 1/2	12	20 lass
1866	1	9	14	5 1/8	29 1/2	61 skpd.
				korn		
				7	40	
				poteter		

Eigarar

Den eldste kjende eigaren er krona. Kongen overdrog jordegods, m.a. Steinsetre, til oberstløytnant Ove Brockenhus som vederlag for tenester. Ove Brockenhus er i skattelistene oppført som eigar frå 1671. I 1672 pantsette han m.a. Steinsetre. Obligasjonen vart innfridd av Laurits Lauritsen frå fru Berit Trolle, og Laurits Lauritsen tinglyste obligasjonen i oktober 1673. I 1699 var Gerhard Treschow eigar, og selde til Arne Olson Fønnhus.

Bruk og husmannsplassar

I 1652 bygsla *Nils Tåmåsson* 2 kalvskinn krongods i rydningsplassen «Stenset» for 2 rd., og betalde tredjeårstake i 1661. Men tienden i 1661 var *Bottolv* ansvarleg for. Bottolv, eller *Bottolv Halldorson,* er også brukar ved kvegskatten 1657, og oppført i skattelistene til 1670. I 1664 er han 36 år. 1671—79 er *Arne* brukar, deretter *Ellev* til fyrst i 1690-åra, og *Tore* 1694—98. I 1692 fikk ein *Anders Olson* bygselsetel av Anders Larsen Smidt på 1 skinn i garden Steinsetre i Reinli anneks, som han brukte. I 1699 heiter brukaren *Nils.*

Gerhard Treschow selde i 1699 1 skinn i Fønnhus samt 2 skinn i Steinsetren til *Arne Olson Fønnhus,* som seinare same år selde Steinsetre til sonen *Erik Arneson* gm *Anne Olsdotter,* sjå Tronhus. Dei er nemnde i Steinsetren, eller Setre, 1703—13. Jørgen Otto Brockenhus, son til tidlegare eigar Ove Brockenhus, selde i 1706 odels- og løysingsretten til Erik for 16 rd.

I 1714 makeskifta Erik Arneson Steinsetre til *Mikjel Olson Bagn* mot 4 skinn i øvre Storøydgarde. Mikjel Olson er nemnd i Setren, kom seinare til søre Langøydgarden, sjå der, men åtte likevel Steinsetre til 1731. Ein *Gunnar* fekk i 1722 sonen *Hallvor* i Setren, og i 1723 heiter brukaren *Ola,* venteleg *Ola Herbrandson* gm *Lussi Kristafersdotter Langedrag,* sjå Lundatn, ukjend bustad. Dei ser ut til å ha vore her nokre år.

I 1731 selde Mikjel Olson søre Langøydgarden Steinsetre for 299 rd. til *Anders Arneson Storøydgarden,* også nemnd som Bagn. Anders Arneson makeskifta i 1737 til seg 2 skinn i Braka av Gudbrand og Embrek Ivarsøner mot 1 1/2 skinn i Steinsetren, men heldt att all tømmerskogen og skog som kunne vekse til tømmerskog samt eit husvære, Lie. I 1738 vart utferda eit nytt skøyte mellom Anders Bagn og Gudbrand Ivarson. Her heiter det m.a. at eit husvære, før overdrage til Ola Steinarson, var unnateke frå salet.

Gudbrand Ivarson Braka og *Turi Steinarsdotter,* sjå Braka 44/bruk II, er nemnde i Setren i 1740-åra. Men Gudbrand er kalla Braka då han i 1757 selde Steinsetre for 526 rd. til son til Anders Arneson, *Arne Andersson* og kona *Kari Embreksdotter.* Arne kjøpte i 1763 Liaskogen av faren for 400 rd.

Arne Andersson og Kari, sjå nørdre Langøydgarden 41/3, er nemnde i Steinsetren 1758 og -60. Etter matrikkelen 1761 var derimot Knut, eller *Knut Embrekson,* brukar. Knut skulle få kjøpe sjølve garden av Arne. Men Arne stemna Knut til vintertinget 1763 for ikkje å ha halde avtala om betalinga, i alt 430 rd., og for å ha hogge for hardt i skogen. Salet vart difor ikkje gjennomført.

I 1765 selde Arne Andersson 1 1/2

skinn for 710 rd. til *Mikjel Olson Fønnhus* og sonen hans, *Ola Mikjelson.* Seinare same år fastsette dei grensene mellom det halve skinnet Arne Andersson framleis åtte — Liaskogen med plassen Lie — og resten av garden.

Steinsetre

I 1767 makeskifta Mikjel Olson Fønnhus det eine skinnet han åtte i Steinsetren mot 1/2 skinn i Fønnhus med sonen *Lars Mikjelson,* som skulle betala 327 rd. til faren. Mellom skogane til Mikjel (Lars) og Ola Mikjelson var i 1767 også oppretta kontrakt om dela. Mikjel skulle eige på den nørdre og Ola på den søre sida. Husmannen Tåmås Steinarson måtte svara halve husleiga til kvar.

I august 1773 makeskifta Lars Mikjelson parten sin i Steinsetren mot 1 1/2 skinn i Kyrkjebjørgo med verfaren *Ola Larsson Kyrkjebjørgo.* Son til Ola Larsson, Lars Olson, overtok deretter Steinsetre, og er brukar i 1782. Lars kan også ha overteke skogen til Ola Mikjelson.

Lars Olson Steinsetre, Kyrkjebjørgo, f 1757 d 1844 g 1779 m *Ragnhild Olsdotter nørdre Øyhus* f 1760 d 1839. Barn:

1. Ola f 1780.
2. Jøren f 1781 gm Jens Andersson Milevatnet, sjå Rundbrøtin under Steinsetren.
3. Ola f 1784 g 1. m Gjartrud Mikjelsdotter Fønnhus, g 2. m Ragnhild Olsdotter Lundatn, sjå båe gonger søre Øyhus 50/15.
4. Marit f 1787 mogleg d Øyhus 1847.
5. Kari f 1790 gm Ola Olson Fønnhus, sjå Piggemoen under Fønnhus.
6. Ola f 1793, kjøpte Tåmåsbrøtin 1823.
7. Ingrid f 1796 gm Gudbrand Gudbrandson Åslibråtån.
8. Ingebjørg f 1799 gm Amund Mikjelson Sørli i Hedalen, sjå der.
9. *Kristafer* f 1802, neste brukar.

På Ølmhus i juli 1795 avtala Lars Olson og Arne Sjugurdson Langøydgarden å makeskifte gardane sine. Arne åtte frå 1792 det halve skinnet i Liaskoge. Lars skulle også betala 250 rd. i mellomlag for å få overta Langøydgarden og parten til Arne i nedre Storøydgarde. Lars bad om å få låne mellomlagspengane av Ola Ølmhus.

Til hausttinget i oktober same år hadde Arne innstemna Lars til å høyre vitne om saka, som heldt fram i 1796. Men handel vart det ikkje noko av. Den som hindra det, var Ragnhild, kona til Lars.

På Ølmhus hadde dei avslutta handelen på vanleg måte ved handslag — «handerband». Lars bad så om Ola Ølmhus ville reise over til Steinsetre for å høyre med Ragnhild om ho samtykte, men passe seg for å seia at saka var oppgjort. Då Ola kom attende med Ragnhild, gret ho og sa at ho på ingen måte ville samtykke og flytja frå Steinsetren. Dagen etter kom Lars og Ragnhild heim til Håvård Sjugurdson Storøydgarden. Vel var det så at han hadde avtala makeskifte, sa Lars. Men ettersom Ragnhild var av ei anna meining, måtte handelen bli «om intet». Og slik vart det.

I 1803 selde Lars Olson skogen, skyldsett i 1806 for 1 skinn, for 2640 rd. til kammerherre Anker. Lars tok unna slåttar, hamnegang, setrar, husmannsplasser, all lauvskog, og skulle ha rett til bygnings- og gjerdevirke, nøytsle og ved.

Kari Olsdotter f Tronhus 1812, gift med Kristafer Larsson Steinsetre.

Ved lånetakst i 1819 hadde Steinsetre om lag 30 mål godt opparbeidd åker, enga kunne fø 1—2 hestar, 14—15 naut og 30 sauer og geiter. Garden hadde naudsynlege hus og skog til husbehov. Jordvegen vart taksert til 600 og husa til 100 spd.

Kristafer Larsson f 1802 d 1876 kjøpte garden av faren i 1822 for 200 spd., g 1833 m *Kari Olsdotter Tronhus,* Tronhus 54/8, f 1812 d 1901. Barn:

1. Lars f 1833, sjå Grosvee 52/1.
2. *Ola* f 1835, neste brukar.
3. Andreas f 1838 d 1841.
4. Ole f 1840 d 1840.
5. Ole Andreas f 1841, til Amerika, men fyrst dreiv han landhandel på Haugen i Hedalen. Ole Andres var kalla «Sulin», han var så god til å spenne opp. Heile fotsålen sette han i taket: «Nei, sjå, de ter ette heile sulin,» sa han etter eit godt spenn. (Valdres B. bok bd. 4 s 198.)
6. Ragnhild f 1844 gm Andreas Olson Flaten.
7. Kari f 1846 gm Anders Jonson Åsli, sjå Sørgarden Åsli 76/6. Kari fekk i 1868 dottera Karen med Ola Olson Skaroeige.
8. Ingebjørg f 1849 gm Andreas Gudbrandson Åsli, sjå Roa 78/2.
9. Marit f 1851 gm Kristoffer Kristofferson Smerud, sjå Åslibråtån 76/9.
10. *Erland* f 1854, brukar etter broren Ola.
11. Anne f 1857 d 1940.

I juli 1824 var det åstadsak på Steinsetren, reist av statsminister Anker, fordi Kristafer Larsson skulle ha rydda i skogen hans. Kristofer meinte å ha sitt på det tørre. Han hadde hogge på ein gamal slått som høyrde han til etter skogsalet i 1803. Ved gransking på åstaden «Rundbråtene» fann retten at det var hogge gran og olderbuskar som bråten var overgrodd med. På eit par stader strekte ryddinga seg såvidt utover dei gamle grensene, som var tømmerskogen kring bråten.

Saka vart pådømd i tingstugu på Bagn. Kristafer måtte erstatte skaden, vurdert til 2 spd., gje landnam med 1 spd. 30 skilling, og betala sakskostnaden, som samanlikna med skadesummen var heile 25 spd.

Ola Kristaferson f 1835 kjøpte i 1864 av faren for 500 spd., gm *Olea Olsdotter Berg,* sjå Midtgarden Åsli 76/4.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 16 mål ganske god åker og dyrka eng, 24 mål ikkje dårleg slåtteland, frå Rundbrøta, Liasetren og Grosveen kom 32 skpd. høy, hamninga var tilstrekkeleg, dei lauva 1000 kjerv, og garden var lettbrukt. I 1865 hadde dei 1 hest, 6 naut, 14 kyr, 20 sauer, og sådde 1/2 tønne rug, 1 1/4 tønne bygg, 2 1/2 tønner blandkorn, 3/4 tønne erter og 6 1/4 tønner poteter.

I 1872 vart Grosvee og Lindokke utskild som bnr. 1, medan hovudbølet fekk bnr. 2. I 1873 selde Ola Kristaferson Steinsetre for 500 spd. til den yngre broren Ellend, og overdrog i 1879 bnr. 1 til den eldre broren Lars mot Midtgarden Åsli, som Lars åtte.

Steinsetre bnr. 2

Erland Kristofferson Steinsetre f 1854 d 1913 g 1878 m *Ragnhild Kristensdotter Stugarden* f 1850 d 1914. Barn:

1. Kristoffer f 1879 d 1879.
2. Karine f 1880 gm Thomas Olson Langedrag.
3. Sigrid f 1882 gm Halstein Ivarson Hansebråten, sjå Sørei 48/26.
4. Karoline f 1884 gm Erik Stengrimson Haugsrud, sjå Gastgjevarhaugen 37/8.
5. Olava f 1885, til Amerika.
6. *Kristoffer* f 1887, neste brukar.
7. Ragna f 1890 gm Erik Kristofferson Koppervik, sjå midtre Koparvike 50/5.
8. Laura f 1891 d 1892.
9. Kristen f 1892 gm Thora Andersdotter Skaret, sjå Grosvee 52/1.

I 1912 selde Erland til sonen *Kristoffer Erlandson Stensæter* f 1887 d 1963

Erland Kristofferson Stensæter f 1854 på tunet i Steinsetren. Desse to husa er no borte. Til venstre fjøs, og til høgre kombinert eldhus og badstugu.

Ragnhild Kristensdotter f Stugarden 1850 og mannen Erland Kristofferson Stensæter f 1854.

g 1915 m *Sofie Haraldsdotter Stugarden,* søre Stugarden 81/4, f 1891 d 1961. Barn:

1. *Erland Harald* f 1923, neste brukar.
2. Ranveig Gyda f 1927 gm Ivar Bøhn, Reinli, sjå Bøen 11/10.

Erland Stensæter f 1923 d 1975 gm *Ingrid Olsen,* Hov i Land, f 1924 d 1977. Barn:

1. Solveig Eline f 1945 gm Arne Steinhov, Oslo.
2. Reidun Caroline f 1947 gm Terje Johnsen, Oslo.
3. Kristi f 1950 gm Ove Tømta, Hurdal.
4. Ingrid Eva f 1954 gm Kjell Bråthen, Begnadalen.
5. *Kåre Kristoffer* f 1958, neste eigar.

Kåre Kristoffer Stensæter f 1958, eigar frå 1978, gm *Mariann Kaata,* Vestre Slidre, f 1961. Barn:

1. Frode Erland f 1979.
2. Stine f 1984.
3. Ingrid f 1987.

Etter 1950-åra har det ikkje vore gardsdrift i Steinsetren. Erland Stensæter tok til med maskinstasjon som ein av dei fyrste i bygda, og bygde seinare verkstad der han tok til å laga m.a. belteutstyr og traktorkjettingar.

Sigrid Søreid f Steinsæter 1882 og mannen Halstein Ivarson. Dei budde i Sørei i Dølvesbygden. Sigrid Søreid kjøpte eigedomen Foss i Bagn, der ho dreiv pensjonatet Foss Turistfoss.



Noverande eigar har halde fram med tilsvarande produksjon. Ingolf Listerud har kjøpt ein verkstadbygning og eit bustadhus, og driv Solvoll Trevarefabrikk.

Gamle namn i innmarka var *Låveåker'n, Bekkjeåker'n, Skiftesåker'n, Sørstuguåker'n,* og *Bakkeåker'n.* Dei to sistnemnde låg sør for tunet.

Den gamle setra var Liasetra i Reinsjødale. I 1922 fekk Kristoffer Stensæter kjøpekontrakt på Ellingsetre ved Bøve, utskild same år frå nedre Torsrud 30/2. Steinsetre dreiv deretter setring her til slutten av 1950-talet. I 1936 bygde Kristoffer eit hus nedst på vollen der han om sumaren tok til med litt kafédrift og sal av kioskvarer. Frå 1946 omfatta salet også matvarer. På same stad hadde Kristoffer brevhus, seinare Bøven postopneri. All slags post til Veståsen kom i sekker med mjølkebilen. Sjå også bilettekst.

Bøven Handel og Turistheim, her ca. 1956, har lenge vore eit lite sentrum på Veståse. Kristoffer Stensæter kjøpte vollen og tok til med seterdrift her på 1920-talet. I 1936 byrja han med kafédrift og brevhus, seinare utvida til postopneri og handel. Sist på førti-talet vart den gamle stugu i plassen Rundbrøta under Steinsetren flytta til Bøve, og handelen og postopneriet heldt fram her. I 1951—52 vart stugu bygd inn i den nye turistheimen, som fekk utskild ein parsell av eigedomen. Verksemda vart overteken av dotter til Kristoffer Stensæter, Ranveig, og mannen hennar, Ivar Bøhn, som dreiv til 1976. Dei utvida drifta, og hadde også ope i vinterferien og påsken. Ved sida av butikken hadde dei faste gjestar og dreiv kaféen.

Fremst er Bøvabrue, og på bakkekanten bak dei to Ellingsetrane. Til venstre ser ein seterbua øvst på vollen og lengre ned låven på Steinsetersetren. Til høgre bua og fjøset på den andre Ellingsetren, kalla Gubberudsetre, som Jesper Odden på Øystre Bagn eig.

Stensvoll bnr. 11

Bustadhus frå 1966 på tomt utskild frå Steinsetren, bygt av *Nils Stensæter* f 1949, arbeider på Begna Bruk, gm *Gunvor Ruud,* Begnadalen, f 1940. Barn:

Anne Karin f 1965.

Liabekklie bnr. 4

Den gamle plassen Liabekklie, som ligg brattlendt til oppe i dalsida, 400 m o.h., har namn frå *Liabekke.* Bruket er dessutan kalla søre Lie, tidlegare også *Steinseterlie* og *Monselie.* Frå 1737 høyrde Liabekklie under ein særskild skog av Steinsetren av 1/2 skinn skyld. Denne skogen åtte fyrst *Anders Arneson Bagn,* som heldt unna tømmerskogen med plassen Lie då han i 1737 selde Steinsetre. I 1763 selde Anders skogen til sonen *Arne Andersson,* som hadde kjøpt garden i 1757. Anders selde garden i 1765, men heldt att Liaskogen, og same år vart grensene fastsette mellom garden og skogen. På skiftet i 1768 etter Arne Andersson arva sonen *Arne Arneson* Liaskogen, men selde seinare same år for 440 rd. til broren *Sjugurd Arneson nørdre Langøydgarden,* som det fall lettare for å bruke eigedomen. Sjugurd Arneson selde i 1792 fleire eigedomar, m.a. det halve skinnet i Steinsetren, til eldste sonen *Arne Sjugurdson.* I 1797 makeskifta Arne Sjugurdson Liaskogen mot garden Baggerud i Nordsinni med *Ola Nilsson Ulshus* frå Land, og i mange år framover hadde skogen utanbygds eigarar.

Ola Nilsson Ulshus selde i 1824 for 1000 spd. til stadshauptmann *Grüner* og kjøpmann *Tollef Bakke* i Drammen, *Mads Strand,* Sigdal, og *Bjørn Trulsson Øren,* Modum. Tollef Bakke overtok etter kvart dei andre partane, og selde i 1846 heile skogen for 460 spd. til *Ola Lundesgarden.*

I 1867 vart skogen seld frå konkursbuet etter *A. Oppen* til *Knut O. Tronhus* for 1400 spd., som i 1889 selde til *Lars O. Gravli, Erland Steinsetre, Ole K. Tronhus* og *Arne K. Tronhus.* Erland Steinsetre vart også eigar av partane til Lars Gravli og Arne K. Tronhus. I 1905 vart ein stor part, Liabekklie skog bnr. 7, utskild frå skogen til Erland, og seld til *A. Wahlstrøm.*

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Torkjell Gudbrandson* g 1720 m *Gunhild Knutsdotter.* Ved skiftet etter Ola Ivarson Ølmhus er Torkjell Gudbrandson Liabekklie debitor til buet. Torkjell var kalla Seter ved giftarmålet, og dei er oppførte med same bustad i 1721 då dei fekk dottera Siri.

I 1751 fekk *Ellend Amundson og kona Marit Tøsteinsdotter,* sjå Bagn, ukjend bustad, husmannssetel på plassen Liabekklie av Arne Granum, eller Langedrag, for 3 rd. i årleg leige. Kan hende er det ein plass under Langedrag som er meint, men Ellend og Marit budde iallfall på ein stad på Steinsetereiga i 1747.

Ola Erikson Tronrud, nørdre Leitet 49/1, f 1764 d 1844 g 1. m *Marit Olsdotter Bagn,*, Bagnsøydgardseige, f 1758 d 1824, var husmannsfolk under Steinsetren i 1801, og Ola døydde i Steinseterlien. Dei er nemnde på Tronrud i 1790 og på Langøydgardseige 1796 og 1802. Barn:

1. Erik f 1790 gm Ingebjørg Narves-

dotter Sørflatseige, sjå øvre Klypa under nørdre Øyhus.
2. Ola f 1793 gm Jøren Andersdotter Ølmhuseige, sjå Rødningen under Tømto.
3. Ingebjørg f 1793, tvilling med Ola, d 1808.
4. Marit f 1796 gm Knut Arneson Storøydgardseige, sjå Milevasslie 41/4.
5. *Mons* f 1802, neste husmann.

Ola Erikson g 2. 1825 m *Kari Mikjelsdotter Steinsetereige,* Skaroeige, f 1775 mogleg d Stanfinnmarke 1850.

Mons Olson, som budde lenge i plassen og som namnet *Monselie* stammar frå, var fødd i 1802 og døydde i 1887 som livaursmann i Liabekklien, g 1824 m *Ingrid Andersdotter Ølmhuseige,* Eivindsplassen under Ølmhus, f 1802. Den eldste stugu brann i den siste levetida til Mons. Deretter budde Mons i badstugu, der han også døydde. Det er fortalt at Mons ofte onna halve Liabekkdalen og bar graset opp rått. Det vart nok mang ei tung bør. I tillegg kom arbeidet med å rise, lauve og plukke mose i utmarka. Barn:

1. Marit f 1825 gm Jens Arneson Braka, sjå Braka 44/1.
2. Gunhild f 1827 gm Hans Arneson Tømtitn frå Skjersteineige, til Amerika 1851.
3. Ingebjørg f 1830 gm Arne Mikjelson Leiteplassen, til Amerika 1853.
4. Ola f 1832 gm Ingrid Kristafersdotter Stanfinnmarke, sjå Vilhelmsbrøtin 40/3.
5. Marit f 1837 gm Sjugurd Arneson Brakaeige, sjå Gullberg 56/9.
6. Anne f 1837, tvilling med Marit, gm Sjugurd Olson Lindokke, sjå der, til Amerika 1868.
7. Jøren f 1840 gm Ola Olson Ruse, sjå Hagatn 11/29.
8. Anders f 1843 fekk i 1868 sonen Martin med Tonette Persdotter Tømtitn.
9. *Olea* f 1848, neste husmannskone. Olea fekk i 1868 dottera Maria, gm Anton Nilsson Kølplassen, sjå Sveriplassen 50/32, med Ola Andersson Hesthagin.

I 1865 hadde dei 2 naut, 7 sauer, 5 geiter, og sådde 1/16 tønne rug, 1/4 tønne bygg, 1 tønne blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

Ola Erikson Dalslie, Lie 27/8, f 1839, som var skreddar, gm *Olea Monsdotter* f 1848, var husmannsfolk i ein del år, og var her framleis i 1891. I 1900 budde dei i Skarabrøta. Seinare flytta Ola og Olea til Kjenset på Veståsen i Vasslibygda, Nordre Land. Barn:

1. *Erik* f 1872, sjå nedafor.
2. Anne Mathea f 1874 g Lundstein, Gjøvik.
3. Ingrid f 1877 g Harborg, Gjøvik. Ingrid fekk i 1901 dottera Oleanna med Martin Olson Klubbeberget.
4. Gunhild Maria f 1880 g Viken, Etnedal.
5. Dorthea f 1883 gm Kristian Kjenset.
6. Olava f 1886.
7. Sigurd Kristian f 1890, postbod i Nordre Land.

Erik Olson f 1872 d 1910. Erik og Martin Holt forulykka ved sprenging då dei dreiv på med gardsveg til Eid. G 1894 m *Anne Monsdotter Steinbrøtin,* Hølt 54/33, f 1868 d 1956. Dei budde fyrst på Hølt, så på Trefothaugen, i Skarabrøta, og kom deretter til Hølt

att. Brørne Ole, Mikkel og Ottar kjøpte Kloppbakken i Land. Barn:

1. Ole f 1894 gm Olave Haugom, Land, til Amerika.
2. Mikkel f 1896 gm Helga Haugom, Land, var på Kjenset.
3. Ottar f 1897, til Amerika og g der.
4. Inga f 1899 gm Ola Tronrud, kjøpte gard på Eina.
5. Marianne f 1901 gm August Johansen, Sverige, busette på Dokka.
6. Einar f 1904 gm Nora Nermoen, busette på Dokka.
7. Oskar f 1906, til Amerika, gift der.
8. Borghild f 1908 gm Klaring Torget, Raufoss.
9. Åsta f 1909 gm Anders Renden, sjå Skogtun 37/43.

Då Erland Steinsetre hadde vorte eigar av storparten av Liaskogen, selde han i 1899 m.a. Liabekklie til sønene *Kristoffer* og *Kristen*. Kristoffer selde i 1939 parten sin til Kristen, som hadde bygt i Grosveen. Kristen brukte Liabekklie som haustseter ei tid.

Son til Kristen, Anders, som flytta med familien sin til Liabekklie frå Mjølnarsveen under Ølmhus, overtok etter faren.

Anders K. Stensæter f 1920 d 1971 gm *Gudveig Nysveen,* Etnedal, f 1922. Barn:

1. Anne Gerd f 1949 gm Leif Magne Jensen, Reinsvoll.
2. Kristian f 1951 gm Toril Henje, Roa.
3. Tove Karin f 1954 gm Mikael Mikkelsgård.
4. Gunnar f 1956 gm Mette Nyseth, Bagn.

Liabekklie har 20 mål dyrka jord. I *Ørmebakka* på jordet var det orm. Anders K. Stensæter bytte til seg Liabekkmyre mot Mjølnarsvee, og hausta mykje fôr, om lag 40 lass, derifrå. I brukartida til Anders og Gudveig hadde dei 2 kyr, eit par ungdyr og 6—7 sauer.

Frå bruket er det 200 til næraste granne. No er det veg opp til Leirskogen og ned til Fønnhusvegen, før gjekk ferdsla ca. 2 km nedover til Steinsetre og Grosvee ned Lindokkbakkatn.

På tunet er stugu, uthus og stabbur. Før fanst stugu, låve, fjøs, badstugu og sumarfjøs. Sumarfjøset er no låve på Liabekkmyren, og fjøset flytta til Grosvee. Den nye stugu etter brannen i Mons Olson si tid vart seld som hytte ved Hølervatnet.

Skogstad

I Liabekklie skog bnr. 7 er ein nedlagd plass, Skogstad, som låg på delet mellom denne skogteigen og Langedrag. Bestefar til Gunnar T. Lien i nørdre Langedragslien, Ola Gudbrandson f 1814, fortalde at han var ein tur til plassen då stugu vart bygd og ein mann skulle busetja seg der. Mannen lurte på kva han skulle kalle plassen sin. Ola syntes det såg heller skrøpeleg ut, og føreslo: «Du får kalle det «Gakk-att» her.» Ein liten potetåker vart rydda, og dei hadde eit par geiter i eit lite jordfjøs.

Kven som budde på Skogstad, er ikkje kjent. Anton Evenson Rundbråten fortalde at ei kone, *Anne Skogstad,* skulle ha vore den siste her.

Stugu vart nedriven og flytta til Nymoen i «Briskebye». Arvid og Ann-

laug Islandsmoen har så flytta ho opp på Veståse ved Fløtesetre og sett ho i stand til hytte.

Tåmåsbrøtin bnr. 3, 12

Tåmåsbrøtin må ha namn etter *Tåmås Steinarson,* som døydde på ein plass under Steinsetren i 1773, og er nemnd på Steinsetereiga saman med kona *Siri Håvårdsdotter* f ca. 1703 d 1769, frå 1746. 1733—40 er dei nemnde på Tronhus, og i 1743 på Braka. Tåmås Steinarson var sannsynlegvis son til Steinar Olson og Gro Herbrandsdotter, som budde i Lundo. I kontrakten mellom Mikjel Olson og sonen Ola Mikjelson Fønnhus om skogdele for Steinsetre i 1767, heiter det at husmannen Tåmås Steinarson skal svara halve husleiga til kvar. Barn til Tåmås og Siri:

1. Knut f 1733 d 1734.
2. Tora f 1734, i 1801 innerst hjå Hallvor Ivarson og Anne Herbrandsdotter, husmannsfolk under Steinsetren. Tora fekk i 1770 sonen Guttorm d 1770 med Ola Gudbrandson Steinsetre.
3. Herbrand f 1737 gm Tora Gunnarsdotter Steinsetre, sjå Steinsetereige.
4. Knut f 1740.
5. Knut f 1743. Truleg var det denne Knut som gifta seg med Gudbjørg Olsdotter, sjå Høvda under Åse.
6. Arne f 1746 gm Ragnhild Gudbrandsdotter Sørum, sjå under Berg.
7. Guttorm f 1749.
8. Gro f 1751 gm Torgrim Andersson Goplerud, sjå under Store-Grøv.

Etter Tåmås og Siri heldt nok sonen Herbrand, d 1797 på Steinsetereige, fram med å bruke plassen. Men av di dette er uvisst, er Herbrand og kona Tora oppførte under Steinsetereige.

I 1823 selde Lars Olson Steinsetre Tåmåsbrøtin til sonen Ola Larsson d.y. f 1793 for 50 spd., slik som plassen i lang tid hadde vore brukt av husmenn. Med i salet var også eit stykke synst på setervollen Reinsjødalen med tredelen av husa er. Kjøparen skulle innfri 25 spd. av gjelda til Kristiania katedralskole etter obligasjon av 1819. Tåmåsbrøtin vart skyldsett i juli 1823 for 1/10 skinn.

I 1839 selde Ola Larsson til *Sjugurd Arneson nørdre Dølve* f 1812 g 1. 1837 m *Kari Arnesdotter Åsen* f 1817. Barn:

1. Marit f 1838.
2. Tora f 1839.
3. Anne f 1841.
4. Arne f 1844.

Sjugurd Arneson g 2. 1849 m *Siri Hallsteinsdotter Leikebakke* f 1821.

Sjugurd Arneson selde i 1844 for 100 spd. til *Ola Olson Langedrag* f 1812 d 1886 i Tåmåsbrøta g 1846 m *Anne Høljesdotter Humleberg,* Bøle 6/bruk II, f 1822 d 1893. Barn:

1. Marit f 1847 d 1849.
2. *Marit* f 1849, neste brukar.
3. Ingeborg f 1852 d 1881.
4. Olea f 1855, til Amerika 1879.
5. Anne Dorthea f 1857 gm Hans Hansson Islandsmoen, til Biri.
6. *Ole* f 1860 gm Anne Mathea Håvelsdotter Braka, sjå øvre Skjerstein 46/1.
7. Hans f 1863.
8. Inger Maria f 1866.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 4 mål ganske mager åker og dyrka eng, 18 mål steinut slåtteland, hamninga var ikkje tilstrekkeleg, dei lauva 200 kjerv, og bruket var tungbrukt. I 1865 hadde dei 4 naut, 6 sauer, 6 geiter, 1 gris, og sådde 1/4 tønne bygg, 1 tønne blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

Ola Olson selde i 1885 til sonen *Ola Olson,* som året etter selde til verbroren Anton Andersson Langedragslie.

Anton Andersson Bagnslykkja f 1857 g 1884 m *Marit Olsdotter Tåmåsbrøtin* f 1849. Dei flytta til Biri. Barn:

1. Anna f 1885.
2. Anders f 1887.
3. Anne f 1890.

I 1905 selde Anton Andersson til *Ole Olson Gullberg* f 1862 d 1919 gm *Olea Gudbrandsdotter Bjørneskaret* f 1861 d 1934. Dei er nemnde i Haftonsbrøta frå 1892, og var her også i 1900. Ole Thomasbråten var ein vilje, ein karakter, skriv Mikkjel Fønhus i minneordet i Valdres 18.12.1919. Maken hans som skogskar og fløytar skal det leitast etter i heile dalen. Han døydde på sin post, i skogen. Barn:

1. Gjertrud f 1888.
2. Kari f 1888, tvilling med Gjertrud, gm Andreas Arneson Sveinedokken.
3. Olaf f 1890 gm Bertine Evensdotter Rundbråten, sjå Bergheim 54/39.
4. Guri f 1892.
5. Olave f 1894 gm Anders Andersson Hagen, sjå Nystad 53/24.
6. *Anton* f 1898, neste brukar.
7. Ottar f 1903.
8. Thora f 1906 gm Gunnar Thorvaldson Lien, sjå nørdre Langedragslie 51/4.

I 1931 kjøpte *Anton Olson Thomasbråten* f 1898 d 1949 bruket av mora, g 1903 m *Kari Johansdotter Åmot,* Åmot 54/9, f 1906. Barn:

Ole Johan f 1935, gift og utflytta.

I 1959 kjøpte Kari Fosheim 54/31 av buet etter tanta Anne Marie Langedal. Tåmåsbrøtin selde ho til *Erland Stensæter.* Han selde innmarka og tunet som feriestad til *Jan Hygen,* Oslo. Husa er ei gamal stugu, fjøs, låve og stabbur.

Grosvee med Lindokke bnr. 1

Grosvee sør for Steinsetren er i eldre tid ikkje omtala som plass, men i matrikkelførebuinga 1866 nemnd som slått under hovudbølet. Ved skyldde-ling i 1872 fekk hovudbølet Steinsetre bnr. 2, og Grosvee med plassen Lindokke bnr. 1.

Ola Kristaferson Steinsetre selde i 1873 bnr. 2 til broren Erland, og makeskifta i 1879 bnr. 1 med broren *Lars Olson* f 1833 d 1910 mot Midtgarden Åsli.

Lars hadde arva Åsli i Hedalen av ein slektning etter å ha avtent verneplikta. Etter bytet med Ola budde Lars i Steinsetren, der broren Erland hadde innreidt eit pent rom til han. I sine unge år var Lars idrettsmann, og var ikkje redd for å kaste seg ut i Begna og svømme over, sjølv i flaumtida. (Valdres 5.3.1910.)

Frå buet etter Lars fekk broren *Erland Stensæter* skøyte i 1911. Erland

Grosvee, sett frå vestsida av Begna.

selde hovudbølet og Grosvee i 1912 til sonen *Kristoffer,* som i 1925 selde Grosvee og søre Steinsetre bnr. 8, ein part av Steinsetre skog, til broren Kristen.

Kristen Erlandson Stensæter f 1892 d 1953 g 1918 m *Thora Andersdotter Skaret* i Stavadale f 1899, bygde opp garden. Barn:

1. Elling f 1919 gm Helga Bergene.
2. Anders f 1920 gm Gudveig Nysveen, Etnedal, sjå Liabekklie 52/4.
3. Ragnhild f 1922 gm Even Helland, sjå søre Hellandshølen 54/13.
4. Bjørg f 1924 gm Ola Skaro.
5. *Gudbrand* f 1926, neste brukar.
6. Sigrid f 1928 gm Ole R. Skaran.
7. Kristoffer f 1930 gm Agnes Renden, Bagn.
8. Kari f 1932 gm Gunnar Stugard.
9. Torbjørn Kristian f 1935 gm Gudny Tomtene.
10. Ole f 1937 gm Astrid Ruud.
11. Nils f 1939 gm Gunvor Ruud.
12. Arvid f 1942 gm Randi Øyhus.
13. Harald f 1942, tvilling med Arvid, gm Gunvor Bakken, Trysil. Både Arvid og Harald har hus på Langedragsjorde.

Thora Andersdotter g 2. m *Johan Lystad,* Lensbygda, Toten, f 1896 d 1979.

Gudbrand Kristenson Stensæter f 1926, brukar frå 1956, gm *Margit Midthus,* Etnedal, f 1934. Barn:

1. Anne Marit f 1957 gm Kjell Olav Urberg, Etnedal.

2. Knut f 1959 gm Marit Løvlie, Vestre Slidre, sjå Hestehagen 52/8.
3. Per Ivar f 1963.

Grosvee har 23 da. innmark og 215 da. skog. Stadnamn er *nørdre* og *søre Groslette, Langåker'n, Stubberødningen, Kilen,* ved elva, og *Hestehagin* i utmarka. I 1976 vart drifta omlagd frå krøter- til sauehald. Husa er stugu frå 1925, uthus frå 1923 og ein ny bygning.

Hestehagen bnr. 20

Bustadhus frå 1983 på tomt utskild frå søre Steinsetren bnr. 8, tilhøyrande Grosvee, bygt av *Knut Stensæter* f 1959 gm *Marit Løvlie,* Vestre Slidre f 1961. Barn:

1. Monica f 1978.
2. Beate f 1980.

Lindokke

Den nedlagde plassen Lindokke har rimelegvis namn etter lindyrking på staden. Av husa — stugu, låve og fjøs — er stugu flytta til Grosvee og nytta i stuguhuset der, medan dei andre er nedrivne. Ein åker heiter *Eivindåker'n.*

Dei fyrste kjende brukarane, *Ola Larsson Tronhus,* Langbrøtin av Tronhus, f 1802 g 1828 m *Maria Sjugurdsdotter Dølve,* søre Dølvesetre 48/11, f 1797, var husmannsfolk i 1865. Dei er før nemnde i Langbrøta 1829—37. Ola Larsson Lindokke reiste til Amerika i 1874. Barn:

1. Siri f 1829 gm Harald Olson Strømsbråtån, sjå Rilland under Haugsrud.
2. Anne Maria f 1831 gm Knut Toreson Åseneige, sjå Brøtalie 55/9.
3. Lars f 1834, truleg den Lars Olson som i 1868 fekk sonen Andreas med Gunhild Andreasdotter i Lindokken.
4. Sjugurd f 1837 gm 1867 m Anne Monsdotter frå Liabekklien f 1837. Dei fekk i 1867 dottera Marie, og reiste i 1868 til Amerika.

I 1865 hadde Ola og Maria 2 naut, 5 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg, 1/4 tønne blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

Narve Olson Skaroeige gm *Anne Sjugurdsdotter Tåmåsbrøtin,* sjå Håvårdsonplassen under Skaro, var husmannsfolk i 1875.

Gudbrand Olson Skaroeige, søre Håvårdsonplassen under Skaro, f 1847 d 1922 g 1874 m *Gjertrud Engebretsdotter Hardhaug* f 1854, fekk festesetel på Lindokke, tinglest i 1879. Dei reiste ca. 1907 til Biri og kjøpte gard. Gudbrand var lekpredikant, og var i Skjåk ved folketeljinga i 1900. I Sør-Aurdal levde Gudbrand i «trykkande kår», fortel Anders Lønnum i minneordet i Valdres 28.2.1922, men kom til å sitja godt i det som gardbrukar i Biri. Barn:

1. Ole f 1875.
2. Bertine f 1877 gm Petter Svenstad, Nord-Torpa, sjå Hølvegen 36/21.
3. Edvard f 1879.
4. Gustav f 1879, tvilling med Edvard.
5. Syver f 1881.
6. Gunhild f 1883.
7. Anna f 1885.

8. Sigrid f 1888.
9. Ingeborg f 1890.
10. Thomas f 1893.
11. Georg f 1896.
12. Guri f 1898.

Etter Gudbrand Olson og familien hans kom *Inger Olsdotter,* enkje frå Steinbrøta i Hølerseterbygden, sjå der, med barna til Lindokke, og var der ei tid. Ingrid livnærte seg og barna ved å arbeide borte på gardane, og hadde to kyr i Lindokken. Seinare har Lindokke vore brukt av Grosvee, og her har vore lauva og onna ein del.

Rundbrøtin

Plassen Rundbrøtin vart fråflytta i 1930-åra, og er no utlagd og tilvaksen. Stugu vart sett opp som butikk på Bøven, og er seinare påbygd. Fjøset har rotna ned, og låven brann opp i 1934.

Rundbrøtin er fyrste gong nemnd under åstadsaka i 1824 då Kristafer Larsson Steinsetre var stemna for ulovleg hogst, sjå Steinsetre. Her blir opplyst at «Rundbråtene» var ein gamal slått under Steinsetren, men då attvaksen.

Jens Andersson Milevatnet f 1790 d 1852 i Rundbrøta g 1811 m *Jøren Larsdotter Steinsetre* f 1781 d 1861, er dei fyrste kjende brukarane. Kan hende fekk Jøren Rundbrøtin av far sin, Lars Olson. I 1818 er dei nemnde på Øyhuseige. Barn:

Andreas f 1818.

I 1865 stod Rundbrøtin tom, og vart brukt saman med Steinsetre.

Eivind Arneson Kambaeige, Bjødnsplassen under Dølve, f 1838 d 1928 g 1869 m *Anne Maria Olsdotter nørdre Langedragslie* f 1848 d 1936, var husmannsfolk i Rundbrøta frå 1875, og fødde 2 kyr. I 1871 og -72 var dei på Hølerseterhauge. Barn:

1. Ole f 1869 gm Olea Olsdotter Hagin, sjå Brattebakke 44/17.
2. Anne f 1871 fekk i 1901 sonen Einar med Syver Andersson Sveneseige, og i 1906 sonen Magne med Olaf Gudbrandson Skåne. Einar og Magne utvandra til Canada.
3. Arne f 1872 gm Inger Hansdotter Skaret, sjå Nybrøtin 44/16.
4. Andreas f 1875 gm Karoline Amundsdotter Stenbakken, Ådalen, sjå Brenne 44/21.
5. Gustav f 1877 gm Bertine Skinnerudsveen, Austsinni, kjøpte Kolstad, Austsinni. Gustav fekk i 1897 sonen Einar med Olea Hansdotter Hagene.
6. Bertine f 1880 gm Olaf Olson Thomasbråten, sjå Bergheim 54/39. I 1908 fekk Bertine sonen Gunnar med Martin Gunvaldson Finhert. Gunnar gifta seg med Anna Hagen, Hedalen, sjå Sørbu 53/32.
7. Olaf f 1883 d 1912.
8. Anton f 1886, sjå Brumoen 53/19, g 1. 1909 m Beate Marie Gudbrandsdotter Skytterland f 1884 d 1932. Anton g 2. 1933 m Ågot Sofie Pedersdotter Krüger Bakke, f i Laksevåg ved Bergen.
9. Georg f 1888 gm Marit Thorvaldsdotter Lien, sjå Skarabrøtin under Skaro.
10. Erling f 1890 gm Lovise Jensdotter Elton, sjå Liamyre 47/8.

Steinsetereige

Ola Steinarson frå Lundo f 1697, gm *Beret,* er i 1732 kalla «Seter», rimelegvis Steinsetre, og var då husmann som stod til rest med gjeld. I skøytet frå Anders Arneson Bagn til Gudbrand Ivarson på Steinsetre i 1738 heiter det at eit husvære, som alt var overdrage til Ola Steinarson, ikkje skulle inngå i salet. Ola skulle svara 1/5 av skattar og utgifter. Barn som me kjenner:

1. Ingebjørg f 1734.
2. Gro f 1737.

Herbrand Tåmåsson Steinsetre, Tåmåsbrøtin, f 1737 d 1797 som husmann under Steinsetren g 1770 m *Tora Gunnarsdotter Steinsetre,* Islandsmoen 48/12, f 1744 d 1813. Truleg var dei husmannsfolk i Tåmåsbrøta, men er dessutan nemnde på Fønnhuseige 1786, på Storøydgardseige 1791 og på Langøydgarde 1792. På sumartinget i 1796 synte Herbrand fram skinnet av ein vaksen ulv som var fanga i saks i mars. Barn:

1. Anne f 1769 gm Hallvor Ivarson Dølveseige, sjå Sveriplassen 50/32. I 1801 var dei husmannsfolk utan jord under Steinsetren.
2. Siri f 1772 fekk i 1808 dottera Ingebjørg med Ellend Tøsteinson Storøydgardseige.
3. Marit f 1774.
4. Ågot f 1784.
5. Tåmås f 1786 d 1861 på Ølmhuseige fekk i 1818 dottera Tora med Anne Johannesdotter Hølersetre. Tåmås Herbrandson må vera originalen «Fille-Tåmås», sjå Steinbrøtin 53/6.
6. Gunnar f 1791 d 1792.

Gudbrand Toreson f ca. 1762 d 1810 på Steinsetereiga gm *Anne Olsdotter Kyrkjebjørgo* f 1760 d 1829 som legdsfattig, kalla Steinsetre. I 1800 er Gudbrand kalla Storrusteeige, og i 1801 var Gudbrand og Anne gardbrukarar på ein part av Store-Grøv. Dei er elles nemnde på Braka 1781 og på Tronhuseige 1784. Barn:

1. Marit f 1781 gm Gjermund Olson Li, under Storruste.
2. Ingrid f 1784.
3. Marit f 1786.
4. Anne f 1789.
5. Kari f 1792.
6. Tora f 1795 g 1. m Arne Gunnarson Åsen, sjå der, g 2. m Sjugurd Gulson Åseneige, sjå Nybrøtin 55/2.
7. Olea f 1797 gm Anders Erikson Piltingsrudeige, sjå Eidsbakkatn.

Ølmhus (Olmhus)

Gamalt matrikkelnr. 160, gamal skyld 5 skinn, av dette Ølmhus opphavleg 4 skinn og Hølersetre 1 skinn. I 1744 vart skylda på Ølmhus pålagd 1 lispund. Frå andre delen av 1700-talet er skylda for Hølersetre oppgjeven til 2 skinn, og i matrikkelen 1838 er gamal skyld for Ølmhus 3 skinn 1 lispund og for Hølersetre 2 skinn.
***1838:* Matrikkelnr. 50, ny skyld 10 dalar, 1 ort 14 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 53, skyld 29 mark 87 øyre.**

Saman med Øyhus i nord er det Ølmhus, 210 m o.h., som har rådd over den lange elvesletta i dalbotnen sør for Koparviken. Medan Øyhus er to gardar, har Ølmhus alltid vore einbølt.

I ei gamal segn (Søre Aurdal og Etnedalen s 136) blir Ølmhus omtala som *Holmhus,* og var ein husmannsplass som den rike «Dølveskallen» gav til dotter si og mannen hennar. På *Holmhus* var ein liten åker, men under skurden ynskte dottera at ho hadde så mykje åker at ho kunne skjera seg trøytt. På grannegarden Øyhus var derimot ingen åker, difor var *Høyhus* det opphavlege namnet her. Olaus Islandsmoen meiner at fyrstelekken i namnet Ølmhus — Holmhus — helst kjem av holmar i elva. Munnleg tradisjon har også hatt ei anna tolking. Etter nedteikningane til Knut Hermundstad sa gamle folk at i eldre tid var namnet *Helmhus.* Det vart forklart med at her stod ei lyu som Dølve hadde halm i.

Det kan neppe vera tvil om at båe desse namnetolkingane er mistydingar. Ølmhus er ein gamal gard, rydda og i drift alt i mellomalderen, og ingen nyare husmannsplass. Samanhengen med Dølve, som segna nemner, er derimot historisk rett når me kjem til 1600-talet, men har ei anna årsak. Språkleg sett peikar gardsnamnet Ølmhus attover. Å kople namnet til elveholmar eller halm, er forsøk på namneforståing ut frå språk og ordtilfang i nyare tid. Norske Gaardnavne viser derimot til det gamle mannsnamnet *Ǫlmóðr* som mogleg fyrstelekk. Opphavleg namneform kan då ha vore *Ǫlmóðshus(ar).* I same lei peikar skrivemåten «Ollumhuus» i 1667. Er denne sistnemnde tolkinga rett, blir Ølmhus eit gardsnamn av same type som Tronhus, der mannsnamnet *Trond* er fyrstelekk.

I sør grensar Ølmhus mot elva Hølera, i aust mot Begna, i nord mot Øyhus, og går i vest opp dalsida og innover åsen.

I juni 1709 var det åstadsak sønnafor Hølerun i ei li under Ivarshauge. Mikjel Tronhus, som no var død, hadde stemna Ola Ivarson for å ha hogge ulovleg på grunnen til Tronhus. For enkja Guro Eriksdotter møtte Sjugurd Øyhus, som påstod at elva Hølera var skifte og dele. Ola Ellendson Seter, 52 år gamal, prova at han hadde tent på Tronhus for 22 år sidan, og den tida heldt dei elva for rette dele. Partane kom til forlik om at Ola Ølmhus skulle betala Guro 20 rd. for åverket han hadde late gjort, og at Hølera for framtida skulle vera grense mellom Tronhus og Ølmhus.

I 1755 inngjekk Ola Øyhus og Ola Ølmhus kontrakt om delet mellom heimrastene.

Ølmhus i slutten av 1950-åra. Til høgre på tunet stod det gamle fjøset. I bakgrunnen Øyhusgardane og Langedrag, til høgre hengjebrua over Begna til Steinsetre, som Erland Stensæter fekk bygd.

Under Storofsen i 1789 gjorde flaum og skred stor skade, taksert til så mykje som 500 rd. 2 hus skylde flaumen bort — ei kvern og ei sag, båe med fullt utstyr, 1 mål åker og 10 mælingar eng vart heilt øydelagde, 29 mål åker vart øydelagde for eitt til tre år, og 30 mælingar eng for to—tre år.

Etter øydetida vart Ølmhus rydda opp att ved midten av 1600-talet, og skattemessig klassifisert som øydegard.

På åsen langt mot vest låg den gamle garden Hølersetre, som også er matrikulert under Ølmhus, sjå meir om dette under Hølersetre. Fire husmannsplassar voks etter kvart fram, og i tillegg kom plassen Bjørke under Ølmhus, så det vart ei heil lita grend — Hølersetergrende — her inne. Men i lengda, då tida tok til å stille nye krav, vart det for tungvint å leva og drive så langt frå bygda. Dei siste brukarane og fastbuande selde og forlet Hølersetrę i 1882, og i same tidsrom vart også plassane oppgjevne. Lengst heldt ein familie i Steinbrøta ut, dei flytta til bygds kort etter 1900.

Tiende *1661:* 1/2 tønne bygg, 1 setting rug. Matrikkel *1667:* Garden har «beitaskog», vel skog med beit — ris og friske kvistar til krøterfôr, og ved-

skog. Må dyrke rydningsland og lage humlehage. Matrikkel *1723:* Det er skog til husbehov, i sameigemark kan hoggast 3—4 tylfter gran- og furutømmer. På to setrar får ein 4—5 lass høy. Garden har flaumkvern og flaumsag. Ølmhus ligg måteleg til, stundom gjer elva skade på åker og eng. Skyldsetjing *1744:* Årleg vart sådd 5 tønner blandkorn og havre, og fødd 2 hestar, 14 krøter og 16 sauer. Til fôr vart teke ei stor mengd ris og lauv i skogen. Garden har 14 mål åker, ei «vidløftig» eng og ein temmeleg stor skog. Men åkeren og enga på sandjord er nå utmagra, dels fordi Storelve, som renn tett forbi, mange gonger ved flaumtider har overskylt ein stor del av åkeren og enga, slik at mykje av gjødsla er teken av vatnet. Skogen er svært uthoggen og no i slett tilstand, men det finst likevel ein del som med tida kan nyttast som sagtømmer. Skylda vart auka med 1 lispund. Matrikkel *1761:* Pengar til skattar og utgifter kjem i fyrste rekkje frå skogen. — Slik var drifta lagd opp framover til moderne tid. Frå skogen kom kontantar, medan alt som vart avla på garden skulle brukast der. — I 1761 var det også to husmenn. Det kunne hoggast 5 tylfter sagtømmer, garden hadde ei sag, og på saga kunne årleg skjerast 12 tylfter. Sagmanntal *1770:* Dette året var skore 3 tylfter bord av eigen skog. Matrikkel *1782:* To husmannsplassar.

Under Ølmhus har vore seks plassar, mogleg sju. I dalfoten nord for Hølerun låg Ølmhushagin, og oppe i lia vest for garden øvre og nedre Ølmhusplassen, oftast kalla Bjødnaplassen og Eivindsplassen. Når dei på Ølmhus skulle gje bod til husmannen i øvre Ølmhusplasse om å koma til gards og arbeide, hengde dei eit kvitt plagg i låvegluggen. Det var tegnet på at husmannen var «utsagd». Inne på åsen, lengst aust i Hølerseterbygden, låg Bjørke eller Bårdelie. Nede i dalbotnen låg Massingmoen synst på Ølmhusjorde, og nord for Hølerun, der elva renn ut i Begna, låg Ølmhussvee eller Mjølnarsvee. Den siste skal vera Bøle, som låg litt sør og vest for nedre Ølmhusplasse. Nokre av plassane er gamle, frå før 1800. Men berre to, Ølmhushagin og Bjødnaplassen, vart utskilde som eige bruk, Ølmhushagin i 1928 og Bjødnaplassen i 1951 under namnet Oppheim. I Mjølnarsveen er bygt to bustadhus.

Hølersetre hadde fire plassar: Hølerseterbrøtin, Steinbrøtin, Gunhildbrøtin og Hølerseterhaugen. Hølerseterbrøtin og Steinbrøtin vart utskilde i 1864.

I juli 1821 var det synfaring på Ølmhus bygdesag, som Sjugurd Olson Ølmhus åtte. Saga låg i Hølerun, og kunne brukast nesten heile sumaren. Årleg var det mogleg å skjera 4 tylfter tømmer.

Om lag til hundreårsskiftet gjekk hovudvegen gjennom tunet.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	3	10	13

	Bonde-folk	Teneste-folk	Husmanns-folk	Handverks-folk	Arbeids-folk	Fattig-folk	Andre	
1782	6	3	9					18
1801	16	4	24			1	1	46
1865	26	8	45	1	6	1	1	88
1900*	14	4	22		2		9	51

*Den store nedgangen i folketalet sidan 1865 kjem særleg av at Hølerseterbygde, med unnatak av Steinbrøtin, no låg øyde.

Husdyrhald, utsæd og avling 1657—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1657	1	7	16			
1667	2	9	15	1 1/2		
1723	2	12	10	3 1/2		
1761	3	22	32	9 1/2	28	29 lass
1782	3	24	52	8 3/4	38 1/2	130 lass
1866	5	42	91	24 5/8	127 1/5	311 skpd.
				korn		
				23	111	
				poteter		

Eigarar

Ølmhus har frå gamalt vore i bondeeige, medan Hølersetre etter i matrikkelen 1667 høyrde til krona. I 1680 er statthaldar Gyldenløve ført som eigar, og frå 1683 Laurits Lauritsen. I 1690 og 1700 er arvingane etter Laurits Lauritsen eigarar. Seinare må garden ha gått over til Ølmhus, før brukaren på Hølersetren sjølv overtok.

Bruk, husmannsplassar og bustadhus

Den fyrste bonden på Ølmhus var gift med dotter til den rike «Dølveskallen», fortel den førnemnde segna. Legg me til at dette galdt etter øydetida, ser segna ut til å vera rett. «Dølveskallen» her er Arne Bjørnson, som kom frå Hallingdal, og åtte mykje jord i Sør-Aurdal.

Ølmhus er fyrste gong er nemnd i kjeldene i skattematrikkelen 1647. Då er *Ola Ølmhus* skattlagd som husmann, og betalde 1 rd. Nemninga husmann fortel ikkje om husmannstilhøve i seinare forstand. Her gjeld det opptakt til ny busetjing etter øydetida. I skattegruppa «Husmenn» kunne høyre folk som betalde låg skatt før drifta for alvor var kome i gang.

Ola Ølmhus i 1647 må vera den *Ola Gunnarson* som er nemnd nokre år seinare, og som var gm *Guri Arnesdotter,* dotter til Arne Bjørnson Dølve. Fleire dokument, det fyrste eit pantebrev frå 1650, må etter alt å døme tolkast slik at Ola og Guri overtok halve Ølmhus frå Roland Pålson Anmarkrud. Den andre halvdelen, 2 skinn, var Dølve-odel som son til Guri, Arne Olson, fekk då arvingane etter Arne Bjørnson Dølve delte odelsgodset i 1687, sjå Dølve.

I 1664 var Ola Gunnarson død, og Guri er oppført som brukar. Barn som me kjenner, dei fem fyrste er oppførte som søner i 1664:

1. *Ivar,* 20 år i 1664, neste brukar.
2. Sjugurd, 18 år i 1664 og soldat, gm Anne Knutsdotter Erstad, sjå Høve.
3. Gullik, 16 år i 1664.
4. Erik, 14 år i 1664.
5. Gunnar.
6. *Arne* f ca. 1657, brukar etter broren Ivar.
7. Siri gm Amund Knutson nørdre Roo.

Ivar Olson var brukar i 1667, og åtte garden saman med medarvingane sine, heiter det i matrikkelen. Ivar var g 1. m *Ingrid Knutsdotter Erstad* d 1670. Det var skifte etter Ingrid på Ølmhus i mars 1670. Barn:

Ola f ca. 1668, brukar seinare.

Skiftebrevet frå skiftet etter Ingrid er attgjeve i Søre Aurdal og Etnedalen s 25—28. Bruttoeiga av lausøyret var 96 rd. og nettoeiga 85 rd. Faren skulle ta hand om arveluten til barnet inntil guten sjølv kunne tene til sitt brød.

Ivar Olson g 2. m *Guri Eivindsdotter,* sjå Åsen. I ei sak i 1723 heiter det at Ivar Olson flytta til Åsen og døydde der. Ivar vart gravlagd i mai 1697, 53 år gamal, og var då kalla Ivar Olson Åsen. Flyttinga til Åsen skulle etter den sama rettssaka ha skjedd på grunnlag av eit makeskifte, der ein *Tøstein Knutson* bytte 1 skinn i Åse mot 1 skinn i Ølmhus med Ivar. Det må vera den Tøstein Knutson Ølmhus som vart gravlagd i 1702, 49 år gamal. Eivind T. Ølmhus, gravlagd 8 dagar gamal i 1693, var nok sonen hans.

Arne Olson d 1698, 41 år gamal, bror til Ivar, overtok deretter. I 1687 fekk Arne 2 skinn i Ølmhus på vegner av mora Guri Arnesdotter ved delinga av Dølve-godset. Kona til Arne heitte *Ambjørg Arnesdotter* f ca. 1657. Etter at Arne var død, fekk Ambjørg ein plass under Ølmhus, for ved åstadsaka på Hølersetren i 1709 er ho kalla huskvinne på Ølmhuseige. Det må også vera ho som i saka om flaumen i Hølerun i 1718 er nemnd som Ambjørg Ølmhus. Barn til Arne som me kjenner:

1. Gunhild f 1694 d 1694.
2. Gunnar f 1695 d 1695.

3. Beret f 1696, rimelegvis den Beret Arnesdotter Øyhus som døydde 1 år gamal i 1697.

Etter Arne overtok brorsonen *Ola Ivarson Ølmhus* f ca. 1668 d 1721 g 1694 m *Marit Embreksdotter,* Bøen bruk III. I 1703 fekk Ola skøyte av dei andre arvingane på dei 4 skinna i Ølmhus.

Ola Ivarson dreiv stort med tømmerhandel, gardkjøp, pengeutlån m.m., og må ha vore litt av ein kraft, om enn av det noko uvørne slaget. Me møter Ola ofte i tingbøkene i saker om hogst og tømmerdammar, som han hadde store økonomiske interesser knytta til, og konfliktar om eigedom. Skiftet etter Ola vitnar om velstand på Ølmhus. Marit Embreksdotter var eit sterkt og sjølvstendig menneske med meiningar og innsikt på mange område. Då skifteretten ved skiftet etter Ola sette opp lista over folk som skulda pengar til buet, kom kunnskapen hennar godt med.

Barn til Ola og Marit:

1. Ingrid f 1695 gm Arne Kristaferson Langedrag.
2. Siri f 1700 d 1700.
3. Siri f 1701 gm Knut Kristaferson Langedrag, sjå austre Piltingsrud.
4. Ivar f 1703.
5. Ivar f 1706 d 1707.
6. Guri f 1706, tvilling med Ivar, gm Ola Andersson Stogohøvda. Det må vera denne Guri Olsdotter Ølmhus som i 1726 fekk sonen Ivar, og i 1729 eit barn med Gudbrand Langøydgarden.
7. Anne f 1708.
8. Ola f 1710.
9. *Ola* f 1712, neste brukar.

I 1693 fekk Ola Ivarson sonen Ola med *Guro Olsdotter.* Denne Ola lyste Ola Ivarson i kull og kjønn i 1718, slik at han stod likt med dei andre barna ved arveoppgjeret. Ola Olson Ølmhus d.e. g 1. m Beret Kristafersdotter Langedrag, g 2. m Gunhild Olsdotter nørdre Fønnhus, sjå båe gonger nørdre Lundatn. Det var vel også denne Ola Olson Ølmhus som i 1723 fekk sonen Ola. Den yngste Ola-en er mogleg den Ola Olson Ølmhus som i 1770 gifta seg for tredje gong, med Eli Olsdotter Sparkevik. Denne Ola Olson kjøpte Kulterud under nørdre Fekjar, sjå der, og var i 1801 livaursmann og 76 år. I 1771 er Ola og Eli nemnde på ein stad under Tronhus.

Nokre arge replikkar om lov og øverheit førte nesten til at Ola Ivarson Ølmhus mista garden. Nærast ein juridisk formalitet skilde til slutt frå tragedien. Saka hadde opphav i ein tvist om garden Åsen, som Ola kjøpte i 1699 av admiralitetsråd Gerhard Treschow.

I november 1711 selde Ola Åsen til Arne Andersson Tronhus for 200 rd., og tok førebels mot 160.

Men då det kom til stykket, ville ikkje Ola stå ved handelen. Marit, kona hans, hadde sett seg imot, og båe nekta å underskrive skøytet. På vintertinget i 1712 vart Ola dømd til å halde avtala. Det stod nemleg ikkje i nokon lov at kvinna kunne gjera om lovnaden til mannen sin.

Dei ulykksalige orda, der Ola «bannet» loven, skulle ha falle i drukkenskap i disputtar om saka Ola rauk opp i ved to høve. Fyrste gongen var i eit bryllaup på Tronhus i juli 1712. I eit julegjestebod på Tronhus same året vart det på nytt snakk om Åsen. Marit ville ikkje selja, og hevda at ho ville halde på retten sin. Sjugurd Erikson Tronhus klandra Ola Ølmhus for å vera ein

mann som korkje brydde seg om lov eller rett. Då sang Ola ut på nytt.

Spørsmålet om Åsen løyste seg etter ei tid. På vårtinget i 1714 opplyste Ola og Arne om at dei hadde kome til forlik om salet. Kjøpesummen skulle vera 210 rd., og Arne betalde no restsummen på 50 rd.

Men svært alvorleg var fylgjene denne striden fekk for Ola: klagemålet frå futen Johan Nernst om spott mot samfunnsautoritetane. På vårtinget i juli 1713 vart han dømd til å miste ære og gods, og lagmannsdomen i september gjorde straffa likelydande.

Då la Ola Ølmhus saka fram for overhoffretten. Her vart han frikjend i september 1714. Dei tidlegare domane vart oppheva. Overhoffretten grunngav domen for det fyrste med at Ola tilbaud seg å avleggje eid på at han ikkje hadde tala slik som vitna hevda. I spørsmålet om orda som fall, stod då påstand mot påstand. For det andre fann overhoffretten at stemnemålet hadde kome for seint, og var difor ugyldig. Dermed var Ola berga.

Til tinget i juni 1718 hadde Ola Ølmhus innstemna ei sak om flaum i Hølerun. Ola klaga Aslak Hallvorson Brattrud og Bjørn Hallsteinson Hesthagin for å ha sluppe dammar i Hølerun om våren så vatnet gjorde stor skade. Mikjel Steinsetre fortalde at ein fredag kveld kom Høleraelva farande med slik dur og foss av vatn og tømmer så det var forferdelig. Hølera dreiv vatnet i Begna attende så det ikkje kunne byrja å renne att før flaumen i Hølerun var over. Hølerabrue vart samstundes teken av flaumen og ført ut i Begna. Kristafer Øyhus, som etter flaumen skulle mala på kverna til Ola Ølmhus, fann at flaumen hadde drive ei stor mengd stein kring kvernhuset og i kvernrennene. Fyrst etter at dei med stor kostnad hadde fått reinska unna steinane, vart det mogleg å mala korn.

Ola Ølmhus førte heile tolv vitne for seg, som fortel mange detaljar frå arbeidet med dammar og brøtning. Både Hølerdammen og Høvresdammen er nemnde. Me høyrer m.a. at Bjørn Hesthagin, som hadde leigd med seg Ola Olson Bagn og Gaute Olson, arbeidde ved den øvre enden av Hølervatnet med å «grime» — binde saman tømmer i flåtar — og bryte tømmer. Vestafor dreiv Aslak Brattrud og brøtningsfolka hans med tømmer i Elketjednvatne og Elketjednelven. Ved middagstider ein dag kom det bod om at Valdres-hengslet, som må vera ei tømmerlense ved Hengslet i Begna, var sprunge. Hermann Bøen fortalde at han for ti-elleve år sidan hadde vore med Ola Ølmhus og bygt dammen i Elketjednelven, der det tidlegare ikkje hadde vore dam, og som ingen andre hadde brukt før Ola Ølmhus tok til.

Forliket dei inngjekk, tyder på at for Ola Ølmhus var klåre reglar for bruk av dammane til fløyting minst like viktig som erstatning i den aktuelle skadesaka. Ola Ølmhus skulle heretter få bruke Hølerdammen på like fot med Aslak Brattrud og Bjørn Hesthagin. Dei to sistnemnde skulle betala Ola 20 rd. i kost og tæring i samband med saka mot at Ola svara godtgjersla til retten. Aslak og Ola vart også einige om at dei i fellesskap skulle nytte Elketjedndammen.

I april 1721 tok skiftet etter Ola Ivarson Ølmhus til. Marit bad om å få utsett skiftet fordi hun hadde liggjande ein stor del sagtømmer ved Valdres-hengslet som ho ville levere til handelsmennene og kreditorane sine på Bragernes, så snart tømmeret «anammes». Skiftet vart heller ikkje avslutta før i 1722. Buet hadde ei bruttoeige på 1947 rd. og nettoeige på 1019 rd. Den lange lista over debitorar, over 60, syner det store kontaktnettet Ola Ivarson hadde som tømmerhandlar og pengeutlånar, fyrst og frem i Sør-Aurdal, men også i andre strok av Valdres og i Ådalen. Av dei store debitorane var Ola Bjørnson Torsrud, som i pengar hadde lånt 80 rd. 1 ort og varer og pengar på Bragernes for 18 rd. 2 ort 16 skilling, i alt 98 rd. 3 ort 16 skilling. Elles kunne summane gå ned til bortimot 1 rd. Blant gjeldspostane finn me m.a. arbeidsløn for tømmersanking «udi Fiordene» i

Ådalen. Den største gjeldsposten var til handelsmannen Anders Larsen Smidt på Bragernes, i overkant av 664 rd. Den eldste dottera, Ingrid, gift med Arne Langedrag, fortalde at då ho gifta seg, fekk ho i medgift av foreldra 20 rd. i pengar, 2 skinnfellar og 1 hud barka lær, i alt ein verdi av 22 rd. 1 ort.

Under skiftehandsaminga i februar 1722 kravde sonen Ola Olson f 1693 10 rd. som han etter lovnad frå Marit skulle ha for å ha stått for og drive garden sumaren 1721. Kan hende var Ola til hjelp også i 1722, men i januar 1723 gifta Marit seg opp att med *Eivind Erikson* f ca. 1685 frå nedre Søreim i Aurdal, son av Erik Søreim. Eivind vitna i 1733 i ei sak mellom nørdre Lie og Søreim i Nord-Aurdal om ei seter.

Ola Olson d.e. kan ha budd på Ølmhus også ei tid etter at han gifta seg fyrste gong i 1724. I oktober 1723 stemna han og Arne Kristaferson Langedrag Anders Gunnarson Åsen fordi Anders ikkje ville avstå Åsen, men søksmålet førte ikkje fram. I 1729 er han framleis nemnd som Ola Olson Ølmhus, og ferda i oktober dette året ut eit pantebrev til madam Antonette Smidt på Bragernes, enkje etter handelsmannen Anders Larsen Smidt, som han var blitt skuldig så mykje som 1123 rd. Pengane hadde ho gjennom ei tid betalt Ola som forskot på tømmerleveransar. I pant sette Ola halve Lundatn eller 1 1/2 skinn — nørdre Lundatn — som Bjørn Øyhus hadde overdrege han som brukande pant i nokre år for 300 rd. I januar hadde fem sambygdinger kausjonert for Ola — Erik Andersson Tronhus, Ola Arneson Fønnhus, Gudbrand Person Steinsrud, Tore Person Tronrud og Kristafer Olson Øyhus — ikkje berre for gjelda då, men også for framtidige lån.

Det neste året, 1730, vart så magert at Ola i november var nøydd til å pantsetja alt han åtte, «da på det bemeldte gode menn som har tråtт i borgen for meg kan bli noenledes betrygget.» Alle utestående fordringar Ola hadde «hos adskillige godtfolk», 823 rd., vart overlatne til den som ville ta arbeidet med å krevja dei inn — madam Smidt eller kausjonistane. Alt tømmer i elvene vart pantsett, og lausøyre og innbu av sylv, tinn, kopar og tre samt gardsreiskap, 2 hestar, 16 krøter, 30 sauer og all avlinga i Lundo.

Men bakken vart for bratt for Ola Olson. På grunn av kravet til madam Smidt på skiftet etter Beret Kristafersdotter, kona til Ola, vart nørdre Lundatn seld på auksjon i mars 1736. Tilslaget gjekk til fire av kausjonistane frå 1729, sjå også nørdre Lundatn.

I 1740 selde Eivind Erikson Ølmhus, på vegner av kona Marit Embreksdotter, og dei andre arvingane det dei åtte i Ølmhus, for 133 rd. til sonen frå det fyrste ekteskapet til Marit, *Ola Olson Ølmhus* f 1712 d 1765 g 1. 1730 m *Marit Olsdotter* frå Hoftun i Gol f ca. 1705 d 1748. Ved skiftet etter Marit var bruttoeiga 1233 rd. og nettoeiga 989 rd. Barn:

1. *Ola* f 1732, neste brukar.
2. Ingrid f 1732, tvilling med Ola.
3. Marit f 1734 gm Aslak Olson Hølle, sjå Hølle 2/6.
4. Steingrim f 1737 gm Guri Sjugurdsdotter Bøen, sjå Gastgjevarhaugen 37/8.
5. Siri f 1739 g 1. m Erik Knutson Tronhus, sjå Tronhus 54/8b, g 2. m Helge Gudbrandson Haugsrud, sjå Flatseige. Siri er rimelegvis den Siri Olsdotter som døydde som legdsfattig frå Øyhuseige i 1820.

6. Ola f 1742 gm Dorte Mikjelsdotter Bagn, sjå søre Lie, Liagrende.
7. Ingrid f 1744 gm Erik Gunnarson Bjørgo.
8. Arne f 1746 gm Kari Olsdotter nørdre Øyhus.
9. Marit f 1748 gm Anders Olson Kulterstad.

Ola Olson g 2. 1750 m *Siri Kristafersdotter Langøydgarden,* Langedrag, f 1695 d 1765.

Ola Ølmhus makeskifta i 1740 til seg Hølersetre frå Eivind Timannson Hølersetre mot 1/2 skinn i Ølmhus — Ølmhusmoen, men kjøpte i 1745 Moen attende frå Siri Embreksdotter, enkje etter Eivind.

I 1758 selde Ola Ølmhus halve garden for 300 rd. til eldste sonen *Ola Olson* f 1732 d 1810, som i 1766 kjøpte resten av dei andre arvingane. G 1. 1754 m *Anne Andersdotter,* som nok var f 1733 og dotter til Anders Torgerson og Ingrid Ivarsdotter på Massingmoe. Skiftet etter Anne vart halde her, og det heiter i skiftet at Anne hadde før budd på Moe. Bruttoeiga var 42 rd. og nettoeiga 21 rd. Barn:

Anne f 1756 gm Bjørn Knutson Koparvikeige, sjå Oppheim 53/33.

Ola Olson g 2. 1756 m *Kari Sjugurdsdotter Bøen,* Bøen 11/12, f 1733 d 1794. Barn:

1. *Sjugurd* f 1758, neste brukar.
2. Ola f 1759 — «Erstadkallen». Ola skal fyrste gong ha gifta seg med ei jente frå Åse, som døydde berre fjorten dagar etter giftarmålet. Andre gongen gifta han seg med Guri Hermannsdotter Bøen, sjå Erstad. Det må vera dette siste ekteskapet som vart inngått i oktober 1782, då enkjemann Ola Olson Ølmhus gifta seg med jenta «Kari» — venteleg feilskrive for Guri — Hermannsdotter Bøen.
3. Ola f 1761 g 1. m Marit Knutsdotter Hølersetre, g 2. m Tora Tåmåsdotter Langedrag, sjå båe gonger Hølersetre 53/2.
4. Hallvor f 1764 d 1771.
5. Marit f 1766.
6. Marit f 1767 g 1. m Hans Kristaferson nedre Jukam, g 2. m Steingrim Hermannson midtre Jukam.
7. Hermann f 1769 d 1770.
8. Guri f 1771 gm Sjugurd Hermannson Bøen, sjå Bøen 11/12.
9. Hallvor f 1774 gm Siri Gudbrandsdotter Strømmen, sjå Tollevsrud.

Ola Olson g 3., 64 år gamal, 1796 m *Siri Larsdotter søre Lundatn* f 1770. Ved skiftet etter Ola var bruttoeiga så mykje som 6825 rd. og nettoeiga 6586 rd. Barn:

1. Ola f 1796 gm Astrid Olsdotter Sørflate, sjå Hafton.
2. Kari f 1798 d liten.
3. Lars f 1800 d 1800.
4. Ragnhild f 1801 d 1801.
5. Ragnhild f 1804 gm Sjugurd Mikjelson Brattrud, sjå nørdre Dølvesetre 48/10.
6. Kari f 1807 gm Harald Hallsteinson Brattrud, sjå nørdre Brattrud bruk I.

I januar 1796, før bryllaupet, sette Ola Olson opp ein kontrakt med Siri, den tilkomande kona. Døyr han før henne, skal Siri ha alt ho har innført i buet, både pengar og andre ting, og dessutan få 600 rd. Buet

etter fyrste ekteskap var alt oppgjort, og barna hadde fått partane sine. Men rekk det som er att ikkje til dei 600 rd., skulle barna skyte til. Døyr Siri før Ola, skal arvingane berre ha det ho hadde teke med seg i buet. Midelen heimanfrå Lundo er oppgjeven i februar 1796. Siri fekk av foreldra 60 rd., 2 kyr, 1 vaksen sau med lam, 1 ny skinnfell, arv etter halvbroren Ola Jakobson, som med renter utgjorde 4 rd. 1 ort og 23 skilling, dessutan hennar eigne pengar 40 rd., og 2 vaksne sauer med 2 lam.

Siri Larsdotter g 2. 1810 m *Ola Olson øvre Brattrud.*

Ola Olson selde i 1801 for 1599 rd. til eldste sonen *Sjugurd Olson* f 1758 d 1839 gm *Anne Knutsdotter Solbjør* f 1760 d 1849, dotter til Guri Andersdotter Åsen gm Knut Madsson Solbjør.

Etter livaurskontrakten i 1801 skulle Ola årleg ha 3 tønner stritt bygg, 4 tønner blandkorn, 3 tønner havre, røkt og stell av 4 kyr, 5 sauer, 5 geiter, ein hest skulle Ola og Sjugurd bruke i fellesskap, 2 sumarlass og 2 vinterlass høy, og 1 bismarpund smør og noko ost. Ola fekk ca. 4 mål åker, den vestre stugubygningen, det nørdre stabburet, ei bu, eit gamalt fjøs til å ha fôr i, ein gamal stall og rom til kornavlinga i den vestre låven. Men garden fylgde all innreiing i den austre og midtre stugubygningen av skåp, bord, stolar og sengestader, medan Sjugurd kvart år skulle levere faren på elvebakken, så lenge han levde, fjerdeparten av alt tømmeret Sjugurd årleg kunne hogge i skogen til Ølmhus. — Noko tømmerhandling ville Ola framleis ha hand om.

Barn til Sjugurd og Anne, av dei femten voks berre fem opp:

1. Kari f 1782 d 1791.
2. *Ola* f 1784, neste brukar.
3. Guri f 1786 d 1786.
4. Knut f 1787 d 1791.
5. Sjugurd f 1789, til Skartlia i Torpa. Sjugurd fekk i 1824 sonen Ola, til Kristiania 1841, med Gunhild Andersdotter Ølmhuseige. Det må vera Gunhild Andersdotter frå Eivindsplasse.
6. Andreas f 1791 d 1791.
7. Kari f 1792 gm Ivar Hallvorson Bagn, sjå nedre Bagn bruk III.
8. Guri f 1794 gm Hermann Arneson Dølve, sjå øvre Kamben 48/5.
9. Marit f 1796 gm Mikjel Mikjelson Bagn, sjå nedre Bagn bruk IV.
10. Knut d som spedbarn 1798.
11. Anne f 1799 gm Hermann Olson Erstad, sjå Hølersetre 53/2.
12. Knut f 1801 d 1801.
13. Kari f 1802.
14. Knut f 1804.
15. Knut f 1805.

Sjugurd Ølmhus selde i 1824 for 1000 spd. til sonen *Ola Sjugurdson* f 1784 d 1850 g 1. 1810 m *Kari Arnesdotter Åsen* f 1790 d 1840. Ved skiftet etter Kari i 1840 var bruttoeiga 4478 spd. og nettoeiga 4218 spd. Barn:

1. Kari f 1811 gm Ola Olson Bagn, sjå Tamburgarden 39/5.
2. Anne f 1814 d 1814.
3. *Sjugurd* f 1815, neste brukar.
4. Anne f 1817 gm Lars Knutson Kyrkjebjørgo.
5. Kari f 1819 gm Ola Sjugurdson Øydgarden (Hestkinn).
6. Siri f 1821 gm Amund Hallsteinson Rustebakke.
7. Ola f 1823 gm Anne Marie Nilsdotter, sjå Åsen bruk A, seinare til Bondli i Land.

Sjugurd Olson Ølmhus f 1815 d 1900, den siste eigaren av den gamle slekta i rett nedstigande ledd på Ølmhus. Etter Sjugurd overtok O.M. Øvergaard.

8. Anne Maria f 1827 gm Ola Embrekson Storsvee.
9. Guri f 1829 d 1829.
10. Arne f 1832 gm Gunhild Embreksdotter Langøydgarden, sjå Åsen.

Ola Sjugurdson g 2. 1842 m *Gunhild Eivindsdotter Ølmhuseige,* Eivindsplassen, f 1817, sjå bilete bd. A s 431. Aldersskilnaden ved giftarmålet var heile 33 år. Bruttoeiga etter Ola var 3311 spd. og nettoeiga 2964 spd. Ola og Gunhild fekk barna

1. Kari f 1847 d 1859 og
2. Anne f 1849 gm Ola Olson Leistrud, sjå søre Leistrud 22/19.

Som enkje budde Gunhild ei tid på Hølersetren, men gifta seg opp att i juli 1851 med *Per Olson Jukam,* sjå nørdre Leistrud 22/4.

Ved skiftet etter Kari Arnesdotter fekk sonen *Sjugurd Olson* f 1815 d 1900 skifteheimel i 1842 for 2400 spd., i samsvar med taksten i april 1842. G 1844 m *Siri Olsdotter Hugulia,* Torpa, f 1816 d 1898. Sjugurd Ølmhus var ein drivande gardbrukar. Han utvida jordvegen, og hadde auga for nye og arbeidssparande reiskapar og driftsmetodar. I Hølerun bygde han ei moderne mølle, og ovafor mølla ein bygning for kvern, sirkelsag, treskje-, reinse- og hakkelsmaskin.

Branntakst 1854, husa frå og med nr. 4 vart ikkje assurerte: 1. Ein hovudbygning med skifertekt tak. 2. Eit stabbur med bordtak sørvest for hovudbygningen. 3. Ein låve med seks rom nord for hovudbygningen, bordtak. 4. Eit fjøs med jord og bordtak oppå, nordaust for hovudbygningen. 5. Eit bryggerhus nord for fjøset, stein- og jordtak. 6. Ei smiu med bordtak. 7. Ein gamal låve med jord og bordtak. 8. Eit gamalt og dårleg vognskjul med jordtak. 9. Ei bu med never- og bordtak. 10. Eit våningshus med jord- og bordtak. 11. Ei badstugu med jord- og bordtak.

I november 1863 var det branntakst på mølla og saga, som gjev detaljerte opplysningar om konstruksjonen.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 94 mål ganske god åker og dyrka eng, 200 mål ganske magert slåtteland, frå setrar og utmark kom 85 skippund høy., hamninga var god, så mykje som 26 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast, dei lauva 2000 kjerv, og garden var lettbrukt. I 1865 hadde dei 4 hestar, 24 naut, 21 sauer, 21 geiter, 3

To unge damer på ski: Golla Øvergaard f Soleglad 1874, her ca. 20—30 år gamal, og systera Ragna, gift Walther. Kristine Thorsrud er fotograf.

grisar, og sådde 3/4 tønne rug, 2 1/2 tønner bygg, 13 1/2 tønner blandkorn, 6 1/4 tønner havre, 1/2 tønne erter og 10 tønner poteter. Tala for husdyrhald og utsæd syner at produksjonen på Ølmhus var stor.

Sjugurd og Siri Ølmhus var barnlause. I 1889 selde Sjugurd garden til *Ole Mikkelson Øvergaard,* Sørbøen 39/1, f 1855 d 1939 g 1. 1883 m *Helene Haraldsdotter Hugulia,* Torpa, f 1857 d 1893, brordatter til Siri Olsdotter. Gjennom den Ola Olson f 1759 som kom til Erstad, gjekk det slektsliner frå O.M. Øvergaard til den gamle Ølmhus-slekta. O.M. Øvergaard var ordførar og lensmann, og svært interessert i å mekanisere gardsdrifta. Han bygde mølle og kraftstasjon i Høleraføsse. Barn:

1. Sigurd Mikael f 1884 d 1903.
2. Kari f 1885 d 1948 gm Kristoffer Rogstad, Vang, Hedemarken.
3. Sigrid f 1887 d 1943 gm Arne Arneson Fønhus, sjå søre Fønnhus 56/1.
4. Gunhild f 1888 d 1889.
5. Gunhild f 1890 d 1977 gm Olav Wold, Klopp, Ramnes.
6. *Mikael* f 1892, neste brukar.
7. Hilda f 1893 d 1893.

O.M. Øvergaard g 2. 1897 m *Golla Thoresdotter Soleglad,* f 1874 d 1952, dotter til lensmann Thore Soleglad i Sør-Aurdal. Barn:

1. Bjarne Herjulf f 1898 d liten.

2. Tor f 1898, tvilling med førnemnde, gm Synnøve Rebne, Vestre Slidre.
3. Bergljot f 1900 d 1976 gm Mikael Erikson Fønhus, sjå nørdre Fønnhus 56/2.
4. Halfdan f 1902, til Amerika, gm Margit Sæther.
5. Sigurd f 1904 d 1985, til Nesbyen, gm Margrethe Krogtoft, Mølnarodden, Lofoten.
6. Olaf f 1905.
7. Gunnar Oddgeir f 1907.
8. Helene f 1912 gm Oddmund Eid.
9. Gunvor Brita f 1916.

Mikael Olson Øvergaard f 1892 d 1981 fekk skøyte i 1921, g 1920 m *Kari Arnesdotter Fønhus,* søre Fønnhus 56/1, f 1896 d 1969. Barn:

1. *Ole* f 1922, neste brukar.
2. Golla Helene f 1926 gm Finn Cato Fjeld, Kilebygda ved Skien.
3. Arne f 1928 gm Liv Margit Fønhus.
4. Kristine f 1930 gm Arne O. Koppervik.

Ole O. Olmhus f 1922, eigar frå 1956, gm *Mildfrid — «Milli» — Olsdotter Koppervik,* øvre Koparvike 50/1, f 1927. Barn:

1. Kari Britt f 1955 gm Nikolai Øyhus, sjå Nilsebøle 50/13.
2. Sjur f 1959 gm Berit Kristin Ringsaker, Ulnes, f 1959. Dei har sonen Mikael f 1988.

Ølmhus har 240 da. dyrka jord, på tørkesvak sandjord, og har hatt vatningsanlegg med vatn frå Begna sidan 1976. Skog og utmark heime er 5057 da., av det 4500 da. produktiv skog,

Golla Øvergaard f Soleglad 1874, til venstre, og barna hennar, Helene og Gunvor, i rutakjoler. Til høgre Sigrid Fønhus f Olmhus 1887 med dottera Kirsten, heilt fremst.

Mikael Olson Øvergaard f 1892 og kona Kari Arnesdotter f Fønhus 1896 med barna Ole, neste brukar, og bak frå venstre Golla Helene, Arne og Kristine.

eit sameigestykke er 1100 da. og til setra Solvangen høyrer 200 da. I 1951 vart bygt traktorveg til Hølerseterbrøtin, saman med Harald O.A. Øyhus og Fønnhus-bøndene. Skogen er om lag jamstilt med jordbruket i inntekt. I 1971 vart drifta omlagd frå korn- til mjølkeproduksjon, men ein del av jorda er framleis kornåker. Namn i innmarka er *Mjølnarsvee, Massingmoen, Storåker'n, Skabbåker'n* — fordi den var ujamn og vekslande våt og tørr, *Eivindsåker'n, Stabbursåker'n, Gutuflate, Låveåker'n, Bekkjeåker'n, Nilsejordet, Langåker'n,* og *Moen,* som er eit nybrott. I Ølmhusskoge ligg *Varpet* ved vegen som går til Hølerseterbygde. Der var ein stor kvisthaug, og alle som fór her, skulle kaste ein kvist på Varpet.

Sist på 1800-talet fekk dei separator, hesteslåmaskin ca. 1900 og traktor i 1936, ein av dei fyrste i Sør-Aurdal.

Hestane, Brunen og Odin, stod tjora bak låven og såg på då traktoren fyrste gongen skulle dra sjølvbindaren. Det såg mest ut som dei forstod at nykomlingen hadde overteke arbeidet deira. Hovuda gjekk i takt til same sida på båe, dei fylgde med som dei sjølve skulle ha vore i skåkene og drage.

På tunet før, slik ein no hugsar det, var stabbur 1833, eit stabbur tømra av Kristoffer Køll, no flytta lengre ned på tunet, livaurshus, og ei stugu kalla «Prestestugu». Desse husa stod på vestsida av den gamle hovudvegen, då vegen gjekk gjennom tunet. På den

andre sida av vegen var våningshus, fjøs, låve — av tømmer, 53 m lang med køyrebru og riven 1959, eldhus og drengestugu — rive for å gje plass for garasje og flytta til «Briskebyen», smiu og snikkarhus — rive på 1950-talet, gardsmølle — driven med elektrisitet og riven på 40-talet. På tunet no er stabburet frå 1833, livaurshus 1867, våningshus — gamalt og påbygt og endra fleire gonger, siste gong restaurert i midten av 1950-åra, eit stabbur flytta hit frå Bårdelien, andre høgda er flytta til Solvangen som hytte, driftsbygning med reiskapshus og låve 1961 og fjøs 1971 — på same tomt som den gamle låven, garasje, sag frå slutten av 1940-åra, og reiskapshus og materialhus 1977.

Ølmhus har hatt fleire setrar: Hølervassetre, Smørhølsetre, brukt av øvre Ølmhusplassen, og Hallkinn. Hølervassetre omfatta iallfall i seinare tid fleire vollar: Øvrevøllen, Veslevøllen, Midtvøllen og Nedrevøllen, den sistnemnde mogleg brukt av Eivindsplassen før i tida. Dei tre fyrstnemnde vollane vart selde i 1901 til Arne Johnsen. Øvrevøllen og Veslevøllen høyrer no til Høvda 30/5. Midtvøllen vart seld i 1904 til Ola Snuggen, eigar er no Terje Tronsplass. Nedrevøllen vart også utskild og seld, med nytt namn Solvangen, men har gått attende til Ølmhus. På Nedrevølle stod «Huldrabue», ei gamal årebu, der m.a. «Fille-Tåmås» og «Sålde-Bård» låg mykje og fiska. Hallkinn vart seld i 1926 til Arne O. Fønhus, Smørhølet eig no Hans Hansebråten. Setervegen gjekk opp bakkane om Sindalssetre og Hølersetre. Haustsetrar var Sindalssetre, Nysetre — til øvre Ølmhusplassen, og mogleg Veslesetre til Eivindsplassen.

Ølmhus var i 1972 med og bygde opp Venelia fellesseter.

Ola Olson Ølmhus f 1732 d 1810 — «Gamal-Ølmhus'n» — dreiv med jarnblåster ved Hølersetre, og truleg også i Sindale ved Sindalssetre. I dei sistnemnde traktene er det funne «sinder» eller slagg frå jarnvinne. «Gamal-Ølmhus'n» er meint å vera den siste som dreiv med utvinning av jarn frå myrmalm i Sør-Aurdal.

Under krigen i 1940 tok tyske troppar inn på Ølmhus. Hanen på garden våga seg til å gala litt åt dei, og vart skoten ved standrett. Då hadde tyskarane sett til livs vinen som mor til Ole Ølmhus hadde lagd då han vart fødd, og som var esla til bryllaupsvin til Ole. Hestane Brunen og Odin måtte slå fylgje då tyskarane drog.

Nystad bnr. 11, 24 og 27

Nystad var posthuset i Hølera, bygt av *Anders Andersson Hagen,* Ølmhushagin 53/18, f 1890 d 1932, på bnr. 11, utskilt frå Ølmhus og seld til Anders i 1909. Frå Haga, skog, bnr. 15, vart bnr. 24 og 27 utskilde i 1941. Anders Hagen var g 1918 m *Olava Olsdotter Thomasbråten* f 1894 d 1982. Olava budde sist i Bedehuset i Hølera. Barn:

1. Anna f 1919 d 1950, organist i Bagn kyrkje.
2. *Ole* f 1920 gm Anne Karin Kristoffersen, Vesterålen. Ole Hagen overtok som postopnar i Hølera etter faren, men flytta til Leira og vart postopnar der då kontoret i Hølera vart nedlagt.
3. Signe f 1923 d, budde i Oslo, gm Bjarne Lomijärvi, Nord-Aurdal.

Ølmhushagin, fremst, og Gladhaug oppe i bakken til høgre. Bak kneisar Tronhusknatten. Biletet er frå ca. 1900 og teke av Kristine Thorsrud. Dette fotografiet fann Oluf Stenbroten hjå ein slektning i Minnesota.

Eigarar frå 1980 er *Torbjørn Rundbråten,* Sørbu 53/32, f 1946 gm *Anne Marie Dokkebakke,* Begnadalen, f 1947.

Ølmhushagin bnr. 18, 21

Nord for Hølerun, innunder dalsida, ligg Hagin, før husmannsplassen *Ølmhushagin,* på nokså flatt lende med jordsmonn av leirjord og litt sandjord. Bnr. 18, Hagin, vart utskilt i 1918 og bnr. 21 i 1936, båe frå Haga, skog, bnr. 15. Gardsvegen er ny, før var det berre gangstig oppetter langs elva.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Ivar Hansson* frå Ådalen gm *Olea Andreasdotter Gunhildbrøtin* f 1829. Ivar fekk husmannskontrakt i januar 1862. Før er dei nemnde på Hølerseterhauge frå 1855. Olea Hagen reiste til Amerika i 1885, 56 år gamal, saman med ein gut, Ole, 11 år, og dottera Birthe. Barn:

1. Kari f ca. 1852.
2. *Gjartrud* f 1855 g 1877 m *Martin Mikkelson Steinbrøtin* f 1853. Gjartrud døydde som innerstkone i Ølmhushaga i 1878 i samband med fødselen til sonen Martin Gustav. Martin Gustav var i 1891 på Island under Velingsrud hjå besteforeldra på farssida,. Mikjel Knutson og Ingebjørg Johannesdotter.
3. Anne Maria f 1857 d i Amerika 1925 g 1879 m Ola Olson Sukke f 1857. Anne Marie reiste som jente til He-

dalen, der ho tente i fem år og gifta seg med Ola Sukke. (Valdres 9.1.1926.) Dei fekk i 1879 dottera Karoline, og drog til Amerika.
4. Ingebjørg f ca. 1860 fekk i 1883 dottera Olava med Johan Olson Haugrud.
5. Hans f 1862.
6. Birthe f 1864, til Amerika 1885.
7. Inger Oline f 1867 g 1883 m Knut Tidemandson Seterbrøtin, nedre Seterbrøtin under Tronhussetren, f 1854. Dei fekk barna Maria f 1883 og Olava f 1885 i Haga.
8. Ole Andreas f 1871.

I 1865 hadde dei 4 naut, 7 sauer, 2 geiter, og sådde 1/16 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 1 1/2 tønne poteter. Ved folketeljinga 1891 er *Anton Mikkelson Steinbrøtin,* bror til førnemnde Martin Mikkelson, og kona *Tora Olsdotter Åsliheiene* husmannsfolk. I oktober 1891 fekk Anton festesetel på plassen Bårdelie eller Bjørke under Ølmhus, og familien budde ei tid her, sjå Bjørke.

Anders Andersson, Sveinsbrøtin under Åse og f 1865, d 1917, fekk husmannskontrakt i oktober 1891, gm *Synnøve Jensdotter Bjørke* f 1853. Ved folketeljinga 1891 var dei i Bjørke, og i 1900 på Mjølnarsveen. Barn:

1. Inger f 1888 gm Erik G. Bjørgo.
2. Anders f 1890 gm Olava Olsdotter Thomasbråten, sjå Nystad 53/11 m.fl.

Husmannsfolk i 1900 var *Martin Andersson* og *Anne Nikolaisdotter,* sjå Nilsebøle 50/13.

Kort etter kom *Gudbrand Haraldson Turibrøtin* f 1852 d 1904 g 1885 m *Anne Olsdotter Gladhaug* f 1854 d 1910, og var her nokre år. Båe døydde i Haga. Dei er før nemnde i Turibrøta 1885 og -87, på Gladhaug 1889, var i Hølerseterbrøta ved folketeljinga 1891, på nytt nokre år på Gladhaug, i Ølmhusplasse 1895, og budde ved folketeljinga 1900 i drengestugu på Gladhaug. Barn:

1. Gunhild f 1885 gm Olaf Olson Trettebråten, sjå søre Hesthagin 34/1.
2. Marit f 1887 d 1891.
3. Harald f 1889 gm Olea Olsdotter Sørlie, sjå Klubbeberget under Tronhus.
4. Ole f 1891 gm Marit Edvardsdotter Jøranby, sjå nørdre Berg 83/9.
5. Martin f 1893 d 1930 g 1916 m Gunhild Olsdotter Bjørnsplass (Bjørnstad), Vestre Bagn, f 1887. Barn: Anne f 1916, gm Kåre Andresen, Oslo, og Gudbrand f 1919. Familien flytta til Kongsberg.
6. Georg f 1895 d 1930 gm Signe Plomhuget, Bø i Telemark.
7. Inger Marie f 1896 gm Peder Granli, Øystre Slidre.

I 1928 kjøpte *Mathias Arneson Braaten* f 1898, frå Nordre Land, bruket etter skylddeling same år, og ein parsell til i 1936. Gm *Anne Olsdotter Gullberg* f 1904. Barn:

1. *Arne* f 1932, neste brukar.
2. Anne Marie f 1939 gm Harald Ruud, sjå Skogly 53/36.

Arne M. Braaten f 1932 gm *Gunhild Søreng* f 1938. Barn:

1. Ann Kristin f 1963.
2. Mikal f 1965.

Ølmhushagin i 1950-åra. Husa er bygde av Mathias Braaten.

Til Hagin er 18 da. innmark, av det 5 da. dyrka jord. I 1977 vart drifta omlagd frå mjølkeproduksjon til sauehald. Arne Braaten driv maskinstasjon for jord- og skogbruksmaskinar.

På det gamle tunet, som låg lengre mot Hølerun, var stugu, låve med fjøs, og sauehus. På det nye tunet er bygning, låve og fjøs, og stabbur. Bustadhuset til Arne Braaten og huslyden hans står på eiga tomt, Graner.

Skogly bnr. 36

Bustadhus 1961 på tomt utskild i 1958 frå nedre Haga 53/21, bygt av *Harald Ruud,* Begnadalen, f 1933, elektrikar, gm *Anne Marie Braaten,* Ølmhushagin 53/18, f 1939, ekspeditør. Barn:

1. Arne Magne f 1959 gm Kristin Solberg, Fredrikstad, sjå Villa Furuhøyden 56/21.
2. Jon Arild f 1965 d 1965.

Brumoen bnr. 19

På Brumoe er to hus, det eldste på bnr. 19, utskilt i 1930 frå Haga bnr. 15, og det nyaste frå 1978 på tilkjøpt tilleggstomt Bergåk bnr. 30.

Anton Evenson Rundbråten, Rundbrøtin under Steinsetren, f 1886 d 1971, kjøpte tomta i 1930 og bygde seg ein heim her saman med den andre kona si. Den eldste delen av stugu hadde stått på setra til Hansebrøtin. An-

ton var skogs- og jordarbeidar, og hadde oppsyn med lysverket til Ølmhus. G 1. 1909 m *Beate Marie Gudbrandsdotter Skytterland* f 1884 d 1932. Barn:

Margit f 1909 d.

Anton Evenson g 2. 1933 m *Ågot Sofie Pedersdotter Krüger Bakke,* Bergen, f 1905. Barn:

1. Evy Agathe f 1934 gm Stein Erik Vik, Gjøvik.
2. Agnes Marie f 1935 gm Kjell Færøvik, Oslo.
3. Einar f 1942 gift i Australia.
4. *Aksel* f 1944, arbeider i Televerket, gm *Ann Strømsheim,* Oslo, f 1956. Dei har bygt det nye bustadhuset.

Bergåk bnr. 23, 26

Bustadhus på tomt utskild frå Haga bnr. 15 i 1941, seld same år til *Erik Antonsen,* Eivindsplassen under Ølmhus, f 1892 d 1970. Erik bygde huset, og skifta namn til Bergåk. Før budde han ei tid i Eivindsplasse. Erik arbeidde heile livet på Ølmhus — i skogen og på garden. For dette fekk han Selskapet for Norges Vels sylvmedalje for lang og tru tenest i 50 år på same staden.

Erik Bergåk overlet huset til brordottera *Gunn Ingrid Kleven* f Islandsmoen, gm *Reidar Kleven.* Dei budde her nokre år, leigde deretter bort huset, og selde i 1980 til *Harald* og *Olga Tronsplass,* som flytta hit frå Oppheim i 1981, sjå Oppheim 53/33 om dei.

Ølmhusplassen

I den bratte skoglia sørvest og opp for Ølmhus låg to plassar, øvre og nedre Ølmhusplassen. Eldst er nok den øvre plassen, i daglegtale kalla *Bjødnaplassen,* av dyrenamnet bjørn. Her var dei jordbruksmessige tilhøva såpass at plassen i seinare tid vart utskild til sjølveige, med namnet Oppheim. Den nedre plassen, *Eivindsplassen,* er no attgrodd.

Ein av dei fyrste husmennene i øvre Ølmhusplasse eller Bjødnaplassen, må ha vore den Gudbrand Mikjelson som fyrst i 1780-åra kom til Nevlingsmoen, eller Mikjelsplassen, i Vassfaret. Om Gudbrand heiter det at han var frå Ølmhusplasse.

I øvre Ølmhusplasse budde nok også foreldra til Gudbrand, *Mikjel Håvårdson Lundatn* og *Inger Gudbrandsdotter Hølle,* sjå Lundelie 50/12. Før 1766 er dei nemnde i Lundelien, men ved ekstraskatten 1766 var dei på ein plass under Ølmhus. Båe døydde på Ølmhuseige, Mikjel i 1773 og Inger året etter.

Gudbrand Mikjelson f 1750, eldste sonen til Mikjel og Inger, overtok deretter. G 1772 m *Siri Olsdotter Ølmhus.*

Til vintertinget i februar 1780 hadde Ola Ølmhus innstemna Gudbrand for ulovleg hogst. Ola kravde skaden erstatta og at Gudbrand skulle frådømast plassen og flytja til fyrste faredag. Saka vart utsett til sumartinget i juli, og då utsett på nytt. Endskapen vart at Gudbrand og Siri forlet Ølmhusplassen, for få år etter kom dei til Nevlingsmoen i Vassfaret, som Gudbrand sidan kjøpte, meir om dei der.

Oppheim bnr. 33 (før Bjødnaplassen eller øvre Ølmhusplassen)

Til øvre Ølmhusplassen kom kring 1790 *Bjørn Knutson,* ved giftarmålet kalla Koparvikeige. Bjørn Knutson var døypt i Gol i november 1757 og konfirmert i Aurdal hovudkyrkje i 1774, då kalla Bjørn Knutson Hølersetre. Han døydde som livaursmann på Ølmhuseige i 1827. Far til Bjørn var Knut Endreson Eikli frå Gol — «Halling-Knut» — som kjøpte Hølersetre i 1766. Mor til Bjørn heitte Kari Bjørnsdotter. I 1801 budde ho hjå Bjørn, var enkje etter fyrste ekteskap, fekk fattighjelp, og var 71 år gamal. Det er nok far til Kari som Bjørn Knutson — «Bjødn» — var oppkalla etter. Bjørn gifta seg i 1785 med *Anne Olsdotter Ølmhuseige,* døypt 1756 d 1812, dotter til Ola Olson Ølmhus f 1732 i det fyrste ekteskapet hans med Anne Andersdotter Massingmoen. Bjørn og Anne er nemnde på Koparvikeige 1786 og -89. Sønene — «Bjørnson-karatn» — er kjende som særs flinke tømmermenn som bygde mange hus. Barn:

1. *Ola* f 1786, neste husmann.
2. Knut f 1789 gm Kari Haraldsdotter Høvseige, sjå Hølerseterbrøtin 53/7.
3. Andreas — eller Anders — f 1792.
4. Andreas f 1795 gm Gjartrud Olsdotter Hølersetereige, sjå Gunhildbrøtin under Hølersetren.
5. Bjørn f 1799 gm Gunhild Arnesdotter Dølve, sjå Storsvelykkja.

I juni 1824 fekk *Ola Bjørnson* f 1786 d 1853 kontrakt på plassen, g 1815 m *Anne Mikjelsdotter Tronhuseige,* nedre Tronhusseterbrøtin, f 1788 d 1881. Barn:

1. *Bjørn* f 1816, neste husmann.
2. Anne f 1818 gm Harald Olson Dølveseige, sjå midtre Bjødnsplassen under Dølveskambe.
3. Inger f 1821, fekk i 1849 sonen Sjugurd med Sjugurd Kristaferson Vøll, Midtvøll 32/8. I 1858 fekk Inger sonen Ole med Ola Østenson Mikjelsplassen. Ole Olson g 1. m Gunhild Gudbrandsdotter Juve, g 2. m Ragnhild Halvorsdotter Kølplassen, sjå båe gonger Rundbrøtin 27/3.
4. Mikjel f 1823 d 1834.
5. Kari f 1828 gm Ola Olson Ølmhuseige, sjå Sveriplassen 50/32.
6. Ola f 1831.

Ola Bjørnson overlet ved kontrakt i 1851 plassen til sonen Bjørn. Bjørn skulle svara pliktene Ola hadde til Ølmhus ettersom Ola hadde vorte for gamal og svak, og bruke Bjødnaplassen så lenge foreldra levde. Det vart også oppsett ei avtale om livaure.

Bjørn Olson f 1816 g 1838 m *Gjartrud Olsdotter Sørflatseige,* Turibrøtin 27/5, f 1813. Bjørn og Gjartrud reiste til Amerika i 1869, med fleire barn, og alle barna utvandra dit. Iallfall gutane kalla seg der Benson. Som enkjemann gifta Bjørn Olson seg i Amerika med Ingebjørg Bårdsdotter frå Bjørke. Dei fekk fleire barn. Barn til Bjørn og Gjartrud:

1. Anne f 1838 gm Engebret Lageson Strømsmoen, sjå der, til Amerika 1869.
2. Ola f 1840 g 1. 1866 m Anne Arnesdotter Lundebøle, Nilsebøle 50/13,

f 1838. Dei fekk i 1867 dottera Ingrid på Fønnhuseige, og reiste til Amerika i 1868. G 2. m Inger Høler-seterbrøtin.
3. Tora f 1843 gm Arne Gudbrandson Juve, Bagn.
4. Mikjel f 1844, g i Amerika, budde i Minnesota.
5. Knut f 1847, til Amerika 1868, gm Gunhild Kokkestad, Hedalen.
6. Kari f 1849, til Amerika 1868, gm Peter Hansson Olsenbråtån under vestre Piltingsrud, f 1843.
7. Anton f 1852, til Amerika 1869, gift i Sør-Dakota med Anna M. Johnson.
8. Olea f 1855, til Amerika 1869, gm John Petterson.
9. Bjørn f 1859 d liten.

Bjødnaplassen var ingen liten plass, for i 1865 hadde dei hest, 4 naut, 12 sauer, 12 geiter, og sådde 1/16 tønne rug, 1 1/4 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

I 1875 var *Erik Olson Ølmhuseige,* Massingmoen, f 1822 d 1888 g 1854 m *Anne Bjørnsdotter Storsvee,* Storsvelykkja, f 1828 d 1907, husmannsfolk. Dei var i Ølmhushaga 1856, og i 1860-åra husmannsfolk i Eivindsplasse. I april 1881 fekk Erik og Anne lov av Sjugurd Ølmhus til å la sonen Ole og kona hans, Marit Ellendsdotter, bruke plassen. Barn:

1. *Ole* f 1855, neste husmann.
2. Berit f 1856 gm Martin Gulson Bakke, Hedalen.
3. Gunhild f 1860 gm Halvor Amundson Grønhaug.
4. *Arne* f 1863, husmann saman med og etter broren Ole.
5. Anton f 1867 gm Ingrid Iversdotter Biribakkin, sjå Eivindsplassen.

Ole Erikson f 1855 d 1918 g 1882 m *Marit Ellendsdotter Leistrudlie,* nørdre Lie 22/15, f ca. 1844 d 1915.

Ole Erikson var plaga med sjukdom, og fann også av andre omsyn at han ikkje kunne bruke og svara åleine for plassen. Med samtykke frå grunneigaren fekk han difor ta inn broren Arne til å hjelpe seg. Arne bygde ei ny stugu av virke frå Ølmhusskole. Desse endringane på plassen vart skriftfesta i mars 1894. Ved folketeljinga i 1900 er Arne Erikson også oppført som husmann, og budde med huslyden sin i den øvre hovudbygningen. Ole og Marit med fleire hadde den nedre som bustad.

I april 1914 overdrog Ole retten til plassen til Arne. O.M. Øvergaard som jordeigar samtykte. Ole og Marit skulle ha livaure.

Arne Erikson f 1863 d 1938 g 1890 m *Maria Iversdotter Biribakkin* f 1862 d før Arne. Barn:

1. Erik f 1890, hadde etternamnet Auråker, lærar i Ådalen, gm Randi Engebråten frå Ådalen.
2. Anne f 1892 gm Anders Iverson Skinningsrud, sjå under Skinningsrud.
3. Iver f 1895, hadde etternamnet Arneson, utskiftingsdommar, gm Borgny Grinde frå Leikanger i Sogn, budde der.
4. Olav f 1898 d 1943, lærar i Kongsvinger.
5. Ingvald f 1900 d 1902.
6. Johan f 1904 d 1941, anleggsgartnar i Oslo.

7. Ingrid f 1909, var heime og stelte huset til faren døydde, gm Olav Ellevsen, Begnadalen, bur der.

Seinare budde *Nikolai Bøhle* med familien her ei tid, men ikkje på husmannsvilkår.

I 1938 kom *Harald Olson Tronsplass* f 1902 g 1935 m *Olga Johansdotter Aamot* f 1913, til Bjødnaplassen. Fyrst leigde dei bruket, og i 1952 kjøpte Harald det etter skylddeling i 1951. Nytt namn vart då Oppheim. I 1981 flytta Harald og Olga til bustadhuset Bergåk 53/23, 26, og Oppheim har sidan stått tom. Barn:

Oddbjørg Tonetta f 1936 gm Knut Larsen, Geithus, f 1928. Dei bur på Geithus, og har dottera Ann Olga f 1961 gm Svein Klausen, Krogstadelva, f 1960. Barn: Robert f 1987.

Oppheim ligg 360 m o.h. Ned til Ølmhus, som er næraste granne, er det 700 m. Gangvegen ned lia går same leia som i eldre tid. Det er 12 da. dyrka jord, 80 da. anna innmark og 50 da. skog. I krigsåra hadde dei fin kveiteåker. Vanleg buskap var to kyr og nokre sauer. Namn i innmarka er *Langåker'n* og *Hagaflate,* sistnemnde er ved dei gamle tomtene. Før onna dei *Lortebakkslettet,* straks ovafor bruket og lengre sør, *Sveinslettet,* Bårdelie og Nysetre, og på Ølmhusknatte lauva dei og fann mose.

Stugu til Arne Erikson vart flytta til «Briskebyen». Den andre og eldre stugu, der Ole Erikson budde, brukte Harald og Olga Tronsplass, og bygde på ho. Dei andre husa er driftsbygning med fjøs og låve, og eit gamalt stabbur.

Bjødnaplassen brukte Smørhølsetre om sumaren, og truleg Nysetre som haustseter. Setervegen til Smørhølsetre gjekk opp forbi Hølersetre og over Timannsføssbrue. På Smørhølsetren heldt masse huldrer til.

Eivindsplassen (eller nedre Ølmhusplassen)

I 1801 budde *Anders Eivindson Skarasetre,* Tronhuseige, f 1757 d 1834 g 1778 m *Gunhild Olsdotter Storøydgarden* f ca. 1755 d 1849, på ein plass under Øyhus. Anders var kalla «Jøren-Anders» etter mor si, Jøren Jonsdotter. Både Anders og Gunhild er kalla Ølmhuseige då dei døydde, og vart husmannsfolk under Ølmhus nokre år etter 1800. Før er dei nemnde på Langedragseige 1778, på Storøydgardseige 1782, på Ølmhus 1785 og på Øyhuseige 1789—1806. Sonen Eivind var brukar i Eivindsplasse, som har namn etter han. Difor er det ikkje urimeleg at også Anders og Gunhild var husmannsfolk her. Ein fôrskåle i Ølmhusskoge, kalla «Jøren-Anders-skålen», var nok etter eit slette Anders hadde. Barn:

1. Ola f 1778.
2. Jøren f 1782 gm Ola Olson Steinsetereige, sjå Rødningen under Tømto.
3. *Eivind* f 1785, neste husmann.
4. Beret f 1789 gm Even Østenson Rustebakkeige, sjå Odden 67/12.
5. Kjersti f 1792 gm Ola Olson Erstadeige, sjå Kinn 33/21.
6. Anders f 1795 d 1795.

7. Gunhild f 1796 d 1825. I 1824 fekk Gunhild sonen Ola med Sjugurd Sjugurdson Ølmhus. Ola reiste til Kristiania i 1841.
8. Anders f 1801.
9. Ingrid f 1802 gm Mons Olson Steinsetereige, sjå Liabekklie 52/4.

Eivind Andersson f 1785 d 1871 g 1817 m *Anne Dortea Hansdotter Tronhuseige,* Klubbeberget under Tronhus, f 1789 d 1876. Både Eivind og Anne Dortea hadde livaure hjå dottera Gunhild i nørdre Leistrud i 1865. Barn:

1. Gunhild f 1817 g 1. m Ola Sjugurdson Ølmhus, g 2. m Per Olson Jukam, sjå nørdre Leistrud 22/4.
2. Hans f 1826 g 1850 m Marit Ivarsdotter Jordet, nedre Bagn bruk III, f 1823. Dei fekk dottera Anne Tonette i 1852, og reiste i 1853 til Amerika.

Husmannsfolk i 1865 var *Erik Olson Ølmhuseige* og *Anne Bjørnsdotter Storsvee.* Dei var i Bjødnaplasse i 1875, sjå der.

I 1865 hadde Erik og Anne 3 naut, 10 sauer, 4 geiter, og sådde 1 tønne blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

I 1875 var *Ola Sjugurdson Nygard* og *Marit Sjugurdsdotter Lyhus* husmannsfolk, sjå Mjølnarsvee. Ola budde her også i 1891. Då var han enkjemann, og dreiv mest med snikkararbeid. Hjå han budde systera Eli, som var enkje.

Anton Erikson frå øvre Ølmhusplasse f 1867 g 1891 m *Ingrid Iversdotter Biribakkin* f 1866 d 1927, var husmannsfolk i 1900. I 1903 fekk Anton sonen Olaf med Maria Olsdotter Kløvstad. Barn til Anton og Ingrid:

1. Anna f 1891 d 1968. Anna voks opp hjå familien i Klubbeberge, og vart med då dei reiste til Amerika i 1905. G 1912 m Andrew Vangsness, av emigrantfamilie frå Sogn. Dei vart farmarar nær Carpio i Nord-Dakota, og fekk ni barn.
2. Erik f 1892, budde ei tid i Eivindsplasse, bygde seinare Bergåk 53/23, 26, sjå der.
3. Inga f 1894 d 1981, voks opp hjå besteforeldra sine i Bjødnaplasse. Gm Kolbjørn Klosbøle, og busette seg på bruket Lundeskogen ved Sundvøllen i Aurdal. Barn: 1. Ole f 1920, busett i Aurdal, var postbod. 2. Anne f 1925 gm Sverre Sundet, Aurdal. 3. Arne f 1934, postmeister ved Bagn postkontor, gm Elsa Målfrid Bakken, Hedalen. Arne kjøpte att garden Klosbøle i Nord-Aurdal, på grensa mot Sør-Aurdal, på odel, og busette seg der. Hit flytta også foreldra.
4. Ivar f 1897 gm Inger Bjørneskaret, sjå Nymoen 50/25.

Kristian Hansen Nerlien gm *Karine Gudbrandsdotter,* Sveinedokke under Langedrag, f 1874, budde nokre år i Eivindsplasse. I kyrkjeboka er dei nemnde i Ølmhusplasse 1906—11. Kristian vart seinare sliperiarbeidar, og flytta med familien til Bakkelund i Bagn. Barn:

1. Guttorm f 1906.
2. Magnhild f 1909.
3. Asbjørn f 1911.
4. Mathilde.
5. Hans, sjå Nymoen 22/44.

Også fleire budde her før Eivindsplassen vart fråflytta og nedlagd. Stu-

gu er flytta til setra til Ingemund Øihus på Bukfyll.

Bjørke (Bårdelie)

Langt inne på skogen, lengst aust av bruka i Hølerseterbygden, låg Bjørke. Dei som budde her, var husmannsfolk under Ølmhus. Bjørke var også kalla Bårdelie, uttala *Bålelie,* med tjukk l, etter husmannen Bård Jensson. Rimelegvis var Bård rydningsmannen, iallfall skal han ha bygt husa.

Bård Jensson frå Dølvesbrenn f 1793 d 1888 g 1. 1823 m *Sønnev Mikjelsdotter* frå Sørli i Hedalen f 1803 d 1854. Ved giftarmålet var Bård kalla Bagn, av di han til desse tider hadde vore tenestekar hjå prost Stabel. Om Bård og etterslekta hans fortel Syver G. Bertilrud mangt i ei minneoppteikning frå 1926, datert Roseau, Minnesota. Bård og Sønnev budde fyrst nokre år på ein plass under Dølve, men er nemnde på Ølmhuseige eller Bjørke frå 1831. Her voks ein stor barneflokk opp. Livsgrunnlaget fann familien i fyrste rekkje i skogen, vatna og elvene. Bård var ein dyktig jeger og fiskar, dessutan hendug til å laga såld, korgar, asker, tiner og liknande bruksting, som vart selde kring i bygdene. Difor fekk han namnet «Sålde-Bård». Barn:

1. Jens f 1824 g 1853 m Ingrid Olsdotter Ølmhuseige, Hølerseterhaugen, f 1819. Dei drog til Nord-Aurdal i 1857. Barn: 1. Sønnev f 1853 gm Anders Andersson, sjå Ølmhushagin 53/18. 2. Jøren f 1855 gm Knut Olson Dalen, Nord-Aurdal, på Sørhusbakka. 3. Ole f 1857 gm Ragnhild Knutsdotter Knutslien, sjå Tøsteinsbrenne 1/10.
2. Anne f 1825 gm Ola Høljeson Øyhus, sjå Liatn under søre Øyhus.
3. Mikjel f 1829 g 1855 m Marit Ivarsdotter nørdre Leistrud f 1829. Dei utvandra til Amerika, og fekk i Sør-Aurdal iallfall barna Siri f 1854 og Iver f 1856.
4. Olaug f 1831 gm Ivar Olson Sørflate, sjå Hesjadalen 55/8.
5. *Gudbrand* f 1834, neste husmann.
6. Ingrid f 1837 gm Gul Østenson Veabrenna.
7. Ola f 1841, på Bjørke hjå broren Gudbrand 1865, til Amerika 1869, Black Earth, Wisconsin, gm Kari Gladhaug.
8. Ingebjørg f 1844, til Amerika 1869. G der 1. m Bjørn Olson Bjødnaplassen, som då hadde vorte enkjemann. G 2. m Aslak Houg.
9. Kari f 1848, til Amerika, gm Carl Martin Bergh.

Bård Jensson g 2. 1859 m *Kari Olsdotter Ølmhuseige,* Massingmoen, f 1812 d 1889.

Bård Jensson var liten av vekst, fortel Syver G. Bertilrud, men uvanleg frisk og lett på foten. I ungdomen var han tenestegut på Ølmhus. Ein gong kom ein storkar frå Kristiania på besøk til Ølmhus'n, og skrøytte av ein gild tråvhest han hadde med seg. Ølmhus'n' sa at hesten hans var nok ikkje rar, men han hadde ein tenestegut som kunne springe fortare. Bymannen nekta å tru det, og karane inngjekk eit veddemål. Bård sjølv tvilte, fortalde han sidan, men tenkte han fikk vel prøve. Nesten framme fekk han sjå nasen på hesten, gjorde nokre veldige byks, og vann kappløpet.

Sonen Gudbrand overtok Bjørke etter faren, men flytta om lag 1868 til Hedalen. Det var meininga at Bård skulle få livaure frå Ølmhus, i staden for erstatning til Gud-

brand for forbetringar på bruket. Straks etter at sonen og familien hans reiste, vart derimot Bård sett bort til folk i bygda, fortel Syver G. Bertilrud. Korleis dette enn var, budde Bård og Kari på Bjørke ved folketeljinga i 1875. Bård hadde eit lite livaure, og livnærte seg elles ved å binde kornsåld og korger.

Men iallfall dei siste åra hadde Bård livsopphald på ulike stader, og døydde hjå Ola Gullberg i Hølera i mai 1888. Systrene til Syver G. Bertilrud, Kari og Oline, gjekk over frå Hedalen, over Jevnlismyra, nedover Begnadalsbakkane og opp dalen til Gullberg, ein strid dagsmarsj for to småjenter, for å ta avskjed med bestefar sin før dei skulle reise til Amerika. Kari fortalde om det siste møtet med den 95 år gamle Bård, nesten drivkvit i hår og skjegg, som låg i dragbenken på Gullberg. Der stelte dei godt med han. Då hadde han berre ei veke att å leva.

Bård Jensson etterlet seg ettermæle som ein mann som fylte plassen sin i små kår som husmann, og gjennom si venlege ferd kunne stå som eksempel for andre.

Pastor O.L. Kirkeberg har skrive eit lite dikt om Bård, kalla «Bård Jensen. Et barndomsminde.» Nokre av versa tek me med her:

Som husmand i anden mands hytte
sin barneflokk fik han beskytte,
for mad og for kleder han strævet
og fik ikke mer, mens han levet,
dog opdrog han og
en blomstrende flok
af flittige barn, som i lidt havde nok.

Hans kundskaber var saktens ringe,
men trofasthed fyldte hans bringe,
hans færd var nok mest ubemærket
og lidet og simpelt livsværket,
men hvor han saa gik,
han havde for skik
at smile og hilse med venlige nik.

Forlengst er den gamle bortvandret,
og meget er siden forandret,
man burde paa graven ha skrevet:
Den mand har forgjæves ei leved
som i sine aar
med kjærlighed saar.
Hans kjærlighed gjengæld til utbytte faar.

Gudbrand Bårdson gm *Kjersti Ivarsdotter søre Sørli,* sjå Bertelrud 89/8. Gudbrand overtok Bjørke etter faren, og bygde gode hus, fortel sonen Syver i minneoppteikninga. Om lag 1868 flytta dei til Hedalen.

I 1865 hadde Gudbrand og Kjersti 4 naut, 2 sauer, 8 geiter, og sådde 1/2 tønne bygg, 1 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

I 1875 budde som nemnt Bård Jensson og kona Kari Olsdotter på Bjørke.

I april 1878 fekk *Gudbrand Arneson Dokkebakkatn* gm *Beret Andersdotter Dølveseige* husmannskontrakt, og er nemnde her siste gong i 1882. Dei hadde før budd i Dokkebakko 48/9, sjå der.

I 1891 var sonedottera til Bård Jensson, *Synnøve Jensdotter* og mannen hennar, *Anders Andersson,* husmannsfolk, sjå Ølmhushagin 53/18.

Dei siste kjende husmannsfolka er *Anton Mikkelson Steinbrøtin* f 1856 d 1932 og den fyrste kona hans, *Tora Olsdotter Åsliheiene* f 1854, gifte i 1879. Anton vart kalla «Truske-Anton» av di han var av Steinbrøtaslekta. Dei gjekk under namnet «Truske-karatn». Anton var fødd i Rennun under Bagnsjorde, måtte tidleg ut for å tene, og var gjetargut i mange sumrar. Anton og Tora flytta mykje ikring. I 1879 er dei nemnde på Hellandshøle, 1880 på Hølerseterhauge,

1883 på Biribakka, på Ølmhuseige 1889 og i Ølmhushaga 1892. Ved folketeljinga 1891 var dei husmannsfolk i Ølmhushaga. I oktober 1891 fekk Anton husmannskontrakt på Bårdelie, og kontrakten vart oppheva i april 1893. I juni same år reiste familien til Amerika. Barn:

1. Ole f 1879.
2. Inger f 1880.
3. Anne f 1883. Anne gjekk ei tid frå Bårdelien til Hølera skule. Det var ein lang veg for ei lita jente. At foreldre torde la ho gå, skreiv Anne sidan i brev til Berit Brenden, Hallum. Nokre gonger fekk ho liggje over på Ølmhus.
4. Martin f 1887.
5. Maria f 1889.
6. Margit f 1892.

I 1910 døydde Tora, og Anton kom attende til Sør-Aurdal. I 1912 gifta han seg opp att med *Olea Olsdotter Gullberg*. Dei budde i Hølera Bedehus. Om sumaren flytta dei til Hølerseterbrøtin, som dei leigde og onna. I barndomsheimen til Anton, Steinbrøtin, var husa nedrivne. (M.a. frå Valdres 15.1.1931 og 6.9.1932.)

Husa på Bjørke var stugu, stabbur, låve og eit lite fjøs. Stabburet skal visstnok vera på Ølmhus, og er noko omgjort.

Mjølnarsvee (Ølmhussvee)

Nord for møtet mellom Hølera og Begna, på nedsida av vegen, låg plassen Ølmhussvee, også kalla Mjølnarsvee av di husmannen var mjølnar på mølla i Høleraføsse. På staden er no to bustadhus.

I februar 1862 fekk Ola Sjugurdson husmannskontrakt på Mjølnarsvee, som då vart kalla ein nyoppretta plass, sønnafor Midtjorde.

Ola Sjugurdson Nygard frå Reinli f 1826 g 1856 m *Marit Sjugurdsdotter Lyhus* f 1829 d 1881. Marit døydde som husmannskone på Ølmhuseige, medan Ola skal ha reist til Amerika. Dei er nemnde på Nygard i Reinli til 1859, og på Ølmhuseige frå 1861. I 1875 var dei i Eivindsplasse, der Ola var husmann og smed, og Ola budde framleis i Eivindsplasse i 1891, då saman med systera Eli. Barn:

1. Syver f 1856.
2. Berit f 1857.
3. Siri f 1859.
4. Syver f 1861.
5. Ingeborg f 1864.
6. Ole f 1869 d 1870.
7. Ole f 1872 d 1873.

I 1865 hadde dei 1 ku, 1 sau, 2 geiter, og sådde 1/4 tønne blandkorn og 1 1/4 tønne poteter, eit nokså magert livsgrunnlag.

I 1875 var *Andreas Hansson* f 1826 d 1901 frå Nordsinni husmann og mjølnar, gm *Karine Karlsdotter* f 1828 på Østre Toten d 1900. Båe døydde på Mjølnarsveen, der dei hadde livaure. Hjå dei i 1875 var også syster til Andreas, Olava Hansdotter Kinnseige, Nordre Land, f 1834, tilreisande og ugift tenestejente. Barn til Andreas og Karine:

1. Bernt (Bernhard) Martin f 1859 i Aust-Torpa g 1896 m Kari Syversdotter Tollevsrudhaugen f 1849. Bernt fekk i 1892 sonen Andreas med Anne Monsdotter Hølt. And-

reas gifta seg med Gunhild Antonsdotter Køldokke, sjå Sørei 48/26.
2. Helena Maria f 1863, sjå «Helenastugu» under Øyhus.

Mjølnar og husmann i 1900 var *Anders Andersson* gm *Synnøve Jensdotter* frå Bjørke, sjå Ølmhushagin 53/18.

Seinare var *Anton Olson Sandvike* gm *Anne Olsdotter Langedragslie* mjølnar. I 1915 kjøpte Anton og ein son Huset 7/5, 6 i Reinli, sjå der.

Det hende at bygdemølla i Hølerafosse gjekk både dag og natt, særleg frå hausten, for folk kom langvegs frå for å få male. Anton bytte då med den eldste sonen om å passe på. Ein del av mjølet fekk bonden på Ølmhus som betaling. Anton fekk også godtgjersle i mjøl, og hadde dessutan rett til «sopmjølet», som han brukte til grisefôr.

Bygningen på Mjølnarsveen, ein tømmerbygning i to høgder, vart flytta i åra 1925—30, etter at mølla var nedlagd, og skal stå ved Flatmoen. På tomta etter Mjølnarsvee er bygt to bustadhus, Sørbu og Nytun.

Sørbu bnr. 32

Bustadhus frå 1951, bygt av *Gunnar Rundbråten,* Rundbrøtin under Steinsetren, f 1908. Han har vore skogsarbeidar. Gm *Anna Hagen,* Hedalen, f 1916, som har vore pleiar. Barn:

1. Magnar f 1943 gm Grethe Høystad, Leirskogen.
2. Torbjørn f 1946 gm Anne Marie Dokkebakke, Begnadalen, sjå Nystad 53/11 m.fl.

Nytun bnr. 34

Bustadhus nord for Sørbu på tomt utskild i 1953, bygt av *Anders Stensæter* gm *Gudveig Nysveen,* Etnedal. Dei flytta seinare til Liabekklie 52/4, sjå der, og selde huset til *Kristoffer Stensæter.* Han selde huset til feriestad.

Massingmoen

Sør på Ølmhusjorde låg plassen Massingmoen, som åkernamnet *Massingmoåker'n* no minner om. Alt i 1740 er det tale om ein part av Ølmhus, *Moen,* i 1743 kalla Ølmhusmoen, vurdert til 1/2 skinn. Fleire bustader på Ølmhuseiga med namnet Moen er ikkje kjent, og difor er nok den eldste Moen og Massingmoen identiske. Men Moen i 1740-åra, som det er oppgjeve grenser for i makeskiftebrevet i 1740, må ha omfatta meir enn den seinare plassen. Fyrstelekken *Massing* kjem kan hende av at ein av dei fyrste som budde her, var massingsmed. Namnet Massingmoen er brukt alt i 1750-åra.

Det var i juli 1740 at *Eivind Timannson Hølersetre* gm *Siri Embreksdotter* makeskifta Hølersetre, som han hadde kjøpt i 1730, sjå der, mot Moen av Ølmhus med Ola Olson Ølmhus. Eivind skulle også ha Veslesetre og eit kvernstø. Alt i 1743 døydde Eivind, og ved skiftet på Moe i september same år var bruttoeiga 73 rd.

I 1745 selde Siri Embreksdotter, no på ein plass under Dølve, plassen Moen samt noko av Hølersetre, som Eivind hadde heldt attende i 1740, til *Ola Olson Ølmhus* for 120 rd. Med dette gjekk Moen attende til Ølmhus, og er sidan ikkje nemnd meir som særskild eigedom.

I 1751 fekk husmannen *Anders Torgerson* d 1772 og kona hans, *Ingrid Ivarsdotter,* f 1706 d 1775, dotter til Ivar Toreson Bøen og Anne Eriksdotter Bagnsmoen, bygselsetel av Ola Olson Ølmhus på plassen Moen mot 1 rd. 3 ort i årleg leige. Både Anders og Ingrid var kalla Ølmhus ved gravferda, og budde kan hende heile tida på Moe. Dei gifta seg i 1733, og er i 1733 og -35 nemnde på Bagn. Barn:

1. Anne f 1733 g 1754 m Ola Olson Ølmhus, sjå der. Anne døydde alt i 1756, og det var skifte etter henne på Massingmoe i september same år.
2. Guri f 1735.

I september 1813, då Guro Aslesdotter nyleg var død, vart det halde synfaring over husa på Massingmoe. Så lenge Ola Guttormson levde, skulle sonen Ola og kona hans, Beret Mikjelsdotter, få bruke plassen på same vilkår som Ola Guttormson hadde hatt. Når faren døydde, var leiga fastsett til 10 rd., ei stor avgift.

Ola Olson, kjend som «Storskreddaren», f 1768 d 1854. I 1801 budde Ola på Steinsrud, der han var innerst og skreddar. Han er også kalla Steinsrud ved giftarmålet i 1803 med *Beret Mikjelsdotter Piltingsrud* f ca. 1777 d 1852. Dei er nemnde på Tollevsrudeige 1804, på Øyhuseige 1805 og på Ølmhuseige frå 1808. Barn:

1. Mikjel f 1804 d 1883, i Bjødnaplasse hjå broren Erik i 1875.
2. Ola f 1805 d 1810.
3. Arne f 1808 d 1814.
4. Kari f 1812 g 1. m Amund Olson Fønnhuseige, sjå Heiebrøtin 56/6, g 2. m Bård Jensson Ølmhuseige, sjå Bjørke under Ølmhus. Kari er mogleg den Kari Olsdotter «Massingmarken» som i 1847 fekk dottera Tora med Gudbrand Arneson Storsvee. Gudbrand kan vera Gudbrand Arneson Dølve f 1810. Syster til Gudbrand, Gunhild Arnesdotter, og mannen hennar budde i Storsvelykkjun. Tora g 1. m Anders Haraldson Åseneige, sjå Moen 55/7, g 2. m Lars Gunnarson Ivarsbrøtin, sjå Hauglund i Seterbygden.
5. Ola f 1812, tvilling med Kari, gm Marit Eivindsdotter Hølersetereige, sjå Skreddarbrøtin under øvre Tronhussetren. Ola var skreddar, som far sin, og sonen hans, Ola, òg.

Venteleg frå midten av 1770-åra var *Ola Guttormson Klemmetsrud* g 1761 m *Guro Olsdotter Piltingsrud* husmannsfolk. Ola var truleg son til Guttorm Olson og Kjersti Aslesdotter Iljanstad og f 1735, d 1831 som legdsfattig på Hellandshøle. Guro var f 1737 og d 1813 på Ølmhuseige. Dei er nemnde på Li i Hedalen 1762, på Skinningsrudeige 1764, på Åseneige 1766—71, på Steinsrudeige 1775, og på Ølmhuseige frå 1777. Barn:

1. Marit f 1762 mogleg gm Harald Haraldson Strønd, husmannsfolk under Sofienlund i Aurdal 1801.
2. Guttorm f 1764.
3. Kjersti f 1766.
4. *Ola* f 1768, neste husmann.
5. Anne f 1771.
6. Arne f 1775.
7. Erik f 1777 gm Gjartrud Olsdotter Ølmhuseige, sjå Hellandshølen 54/bruk B.

6. Erik f 1822 gm Anne Bjørnsdotter Storsvee, sjå Oppheim 53/33.

Ola Olson Ølmhuseige og kona *Kari Olsdotter,* frå Bjødnaplasse, er nemnde på Massingmoe i 1854, og var mogleg her også i 1855, sjå Sveriplassen 50/32. Deretter er plassen ikkje meir omtala.

Bøle

Bøle ligg sørvest for nedre Ølmhusplasse, og murar etter to hus syner. Plassen er ikkje nemnd i kyrkjebøker eller folketeljingar, og må nok ha vore tidleg nedlagd. I matrikkelførebuinga 1866 er Bøle ein av fleire slåttar til Ølmhus.

Ølmhuseige

På tinget i november 1732 var husmannen *Nils Olson* under Ølmhus kravd for gjeld.

Kristafer Høljeson Hølle, Hølle 2/1, f 1722 d 1773 på Ølmhuseige g 1747 m *Gjartrud Olsdotter,* 76 år i 1801, d 1801 hjå sonen Ola på Tronhuseige. Dei er nemnde i Rustøen 1748, i Høllen 1749, på Tronhus 1756 og mogleg 1759, på ein plass under Åse ved ekstraskatten 1766, og under Ølmhus i 1770. Barn:

1. Hølje f 1748 gm Anne Haraldsdotter Leikebakke, sjå der.
2. Anne f 1749 gm Jens Bårdson Dølve, sjå Dølvesbrenne.
3. Dorte f 1756 d 1834 på Gladhaugeige. Dorte fekk i 1791 sonen Hallvor med Erik Olson Bagn. Hallvor gm Beret Eriksdotter Hellandshølen, sjå Køldokke 48/7.
4. Ola f 1759 gm Ingebjørg Høljesdotter Tronhus, sjå Tronhuseige.
5. Hallvor f 1770.

Gjartrud Olsdotter g 2. 1774 m *Ola Arneson,* som var enkjemann, d på Ølmhuseige 1776, 40 år gamal. G 3. 1779 m *Endre Ivarson Brattrud,* sjå søre Brattrud.

Hans Eivindson Ølmhuseige, Tronhuseige, f 1755 d 1801 g 1784 i Bruflat m *Gunhild Ivarsdotter Ølmhuseige* f ca. 1757 d 1813. Båe døydde på Ølmhuseige, og er nemnde her frå 1784. Barn:

1. Anne f 1784.
2. Jøren f ca. 1785 d 1792.
3. Eivind f 1788 mogleg gm Anne Olsdotter, sjå Moen 55/7.
4. Kari f 1791.
5. Anne f 1794.
6. Jøren f 1796, til Vardal 1821.
7. Ingebjørg f 1800 gm Ola Trondson Bagn, sjå Vabrøtin 39/19.

Hallvor Ivarson Dølveseige gm *Anne Herbrandsdotter Steinsetre* er nemnde på Ølmhuseige 1809 og -13, sjå Sveriplassen 50/32.

Ola Olson Ølmhuseige f ca. 1816 g 1854 m *Ingrid Olsdotter Sørumseige,* Lauvskogen under Sørum, f 1810.

Ivar Olson og *Olea Olsdotter* fekk i 1860 dottera Ingeborg på Ølmhuseige.

Ola Mikjelson Fønnhuseige, Søreng 50/30, f 1843 g 1869 m *Ingebjørg Knutsdotter Kambaskaret,* nørdre Bøle 25/5, f 1837 er nemnde på Ølmhuseige 1870—73, og reiste til Amerika i 1875. Ved 80-årsdagen heiter det om Ola i Valdres 1.11.1923 at han flytta til ein husmannsplass i Hølerseterbygden etter å ha gifta seg Barn:

1. Marit f 1870.
2. Olea f 1871.
3. Ole Andreas f 1872.
4. Mikkel f 1873.

Ola Mikjelson g 2. i Amerika m *Siri Ellendsdotter* frå Skarasetren. Dei kom attende frå Amerika, og kjøpte og bygde opp Rosenlund 36/7.

Ølmhus, ukjend bustad

Per fekk i 1693 sonen Ola på Ølmhus.

Hallvor Olson Ølmhus fekk i 1697 dottera Eli.

Knut Arneson Ølmhus g 1723 i Aurdal m *Anne Nilsdotter.*

Anders fekk i 1724 sonen Ola og i 1727 sonen Anders på Ølmhus.

I 1731 fekk *Nils Akselson* dottera Beret på Ølmhus.

Helge Nilsson, enkjemann frå Skolmen i Land, g 1750 m *Beret Olsdotter Dølve.* Dei fekk i 1751 sonen Nils på Ølmhus.

Arne Arneson Øyhus g 1760 i Bruflat m *Siri Sjugurdsdotter.* Dei fekk i 1761 dottera Marit på Ølmhus.

I 1775 fekk *Ivar Torkjellson,* sjå Tøsteinsbrøtin under Høve, dottera Anne med *Ingrid Arnesdotter Ølmhus.*

Hølersetre bnr. 2

Inne på åsen i vest, 750 m o.h. og i solhalla ned mot Hølerun, låg garden Hølersetre. Den siste familien gav opp drifta og flytta frå Hølersetren i 1882. Då hadde det budd folk her gjennom dei siste 200 åra. Segna vil ha det til at garden er endå eldre, men lat oss fyrst sjå kva skriftlege kjelder seier.

I matrikkelen 1667 står at oppsitjaren på Ølmhus har leigt ei seter av futen, «Søllisæter», i 1670 skrive «Høelrasetter», av skyld 1 skinn. Også namnet Høleråsenseter førekjem. Denne tidlege tilknytinga til Ølmhus må vera årsak til at dei to gardane har vore matrikulerte saman, og no båe har gnr. 53.

Hølersetre var ingen dårleg gard. I dei tørraste solbakkane mognast kornet bortimot årvisst. Etter matrikkelen 1782 gav byggavlinga på Ølmhus nede i dalen fire fold, medan dei på Hølersetren hausta fem. Men hovudnæringa var husdyrbruket. I 1782 var buskapen på Hølersetren av naut, sauer og geiter like stor som på Ølmhus. Viktige til-

Det ligg ein dåm av villmark, segner og mystikk over den gamle nedlagde garden Hølersetre. Som kongsgarden i eventyret var Hølersetre sentrum i sitt eige rike med fire husmannsplassar inne på åsen. Dei siste fastbuande flytta frå Hølersetren i 1882, og frå 1901 har heile Hølersetergrende lege folketom. Berre sumarstid, med setring, slått og ståk av folk og dyr, kunne Hølersetre vakne til eit liv som minna om gamle dagar. Men i 1950-åra tok også setringa slutt. Av husa står no berre den staselege tvihøgda bygningen og fjøset att, låven er riven. Fotografiet er frå ca. 1950.

skot til levevegen gav jakt og fiske. Det er fortalt at folka i Hølersetren hadde heile buttar med nedsalta fuglekjøt, og fugl åt dei også som spekekjøt.

Tek så historia om Hølersetre til med setertida på 1600-talet, eller ligg opphavet lengre attende?

Det er uvanleg at setrane alt på 1600-talet hadde særskild skyld. Ei seter var rekna som ein del av garden ho høyrde inn under, og fyrst skyldsett i samband med sal eller frådeling. Hølersetre står i 1660-åra derimot fram som ein særskild eigedom. Eigar var ikkje bønder, men krona. Båe desse tilhøva gjev mistanke om eldre røter. Ei samanlikning med Stavadalen lengre nord er nærliggjande. Før folk kom frå Reinli og tok til å slå seg ned i Stavadale i andre halvdel av 1600-talet, låg det også her fleire eigedomar som både kyrkja og krona åtte. Mykje tyder på at det var busetnad i Stavadale i mellomalderen. For Hølersetre, ein einskild eigedom inne på åsen, er uvissa større. Men det er ikkje umogleg å tenkje seg ei utvikling frå mellomalder, gjennom nedlegging, øydetid og til oppattrydding. Øydegardane kunne nett bli brukte som setrar før det på nytt

kom fast busetnad. I eldre tid låg heller ikkje Hølersetre avsides, slik som no. Vegen nordfrå gjekk over åsen, forbi Hølersetre, Valdreshaugen, og gjennom Hedalen og Vidalen til Ringeriksbygdene. Fyrst etter 1800 tok ferdsla til med hestedoning langsetter Begna.

Folketradisjonen har vilja ha det til at Hølersetre er eldre enn Svartedauden. I ei segn blir fortalt om korleis Hølersetre vart attfunnen etter øydetida (delvis etter Arne A. Fønhus: Gards- og slektshistorie for Søre Fønhus). Ei segn om Svartedauden prover rett nok ingen alder, men er fyrst og fremst vitnemål om korleis den store pestherjinga kring 1350 har sett folkefantasien i ettertid i sving:

Hundre år eller meir etter Svartedauden kjem ein jeger på ski over Svartseteråsen. Han set utover hallene mot Hølerun, og der, midt i tjukke granskogen, går han like på eit gamalt, falleferdig hus. Jegeren spenner av seg skia og får opp døra. Kring eit langt bord sit tretten beingrinder. Eit stort og eit mindre ved bordenden har nok vore sjølvefolka, dei andre sit etter storleiken, det må vera barna. Då den fyrste fekk sotten, hadde dei sett seg kring bordet for å vente på døden.

Jegeren bygde nye hus på same tomta, og tok til å rydde opp dei gamle åkerlappane. Garden kalla han Hølersetre av di han låg i hellinga mot Hølerun.

Beingrindene vart fyrst gravlagde ved Ulekyrkja i Bagn. Men då vart det slik leven og uro at dei måtte hentast attende til Hølersetre, og vart nedgravne under kjellaren. Sidan har det på folkemunne heitt at det spøker i Hølersetren, det er daudingane i kjellaren som går att.

Det me derimot sikkert veit, er at busetnaden tok til for 300 år sidan.

Dei fyrste kjende brukarane er nemnde på Hølersetren frå 1694, og heitte *Timann Embrekson,* kalla Torsrud ved giftarmålet, f ca. 1675 d 1733 g 1694 m *Ingrid Ivarsdotter* f ca. 1678 d 1739. Ingrid var dotter til Ivar Olson frå Ølmhus, som flytta til Åsen, sjå Åsen 55/bruk II. Ved ei sak om hogst i 1729, sjå Tronhus, er Ingrid Ivarsdotter Hølersetre vitne. Ho var 60 år, og fortalde at ho var fødd på Ølmhus, oppvaksen i Åse, og hadde budd på Hølersetren i 36 år. I skøytet frå sonen Embrek til broren Eivind i 1730, sjå nedafor, heiter det at faren hadde rydda Hølersetre. Skulle me ta den førnemnde segna alvorleg, må Timann då vera jegeren. Iallfall er han den fyrste i rekkja av brukarar på Hølersetren frå slutten av 1600-talet, anten han no fekk i hevd gamal åkerjord eller var bureisar på ein setervoll i villmarka.

Ei tid var Timann leiglending under Ølmhus, for ved fleire høve står Ølmhus-bonden fram som eigar. Då må Ølmhus-bonden i sin tur ha kjøpt garden.

I september 1709 var det sak på Hølersetren av di Ola Ivarson Ølmhus hadde innstemna Aslak Hallvorson Brattrud for å ha hogge sagtømmer i dei beste heimrastene til Ølmhus samt til Hølersetre. Dei vart forlikte om å ta halvparten av tømmeret kvar, og Aslak lova ikkje å hogge meir i den påanka åstaden.

Ved skiftet etter Ola Ivarson Ølmhus i 1721 var det registrering på Hølersetren. Men i den siste delen av brukartida si, må Timann Embrekson ha vorte eigar. Barn til Timann og Ingrid:

1. Embrek f 1694 gm Guro Embreksdotter, sjå nørdre Brattrud bruk I.

2. Ivar f 1696 g 1726 m Siri Bjørnsdotter. Dei fekk i 1727 sonen Timann på Hølersetren, truleg identisk med Timann Ivarson Sundeim 1766. Er det rett, må Ivar og Siri også ha hatt sonen Anders, som åtte Hølersetre ei tid i 1766.
3. Arne f 1698 g 1727 m Gunhild Olsdotter søre Fønnhus f 1705. Barn som me kjenner: 1. Timann f 1727. 2. Ingebjørg f 1729. 3. Ola f ca. 1732. 4. Ingrid f 1734. 5. Guri f 1736. 6. Anne f 1740. Ved skiftet på Fønnhus i 1746 etter far til Gunhild var ho død, men alle barna med unnatak av Guri levde.
4. Knut f 1700 gm Gunhild Eriksdotter, sjå under Nordby .
5. Barbro f 1702 g 1. m Ola Arneson søre Fønnhus, 2. m Arne Høljeson Hølle, sjå søre Stavadalen bruk IIb.
6. Ola f 1704 g 1729 m Tora Ellendsdotter. Barn som me kjenner: 1. Mogleg Dorte f 1730, berre oppgjeven å vera fødd på Hølersetren. 2. Mogleg Tølleiv f 1731. 3. Gunhild f 1733. 4. Ingrid f 1736. Gudbjørg f 1738.
7. *Eivind* f 1706, neste eigar.
8. Guri f 1709 gm Guttorm Håvårdson Eid frå Bakke i Hedalen, sjå Tronhus, ukjend bustad.
9. Ingrid f 1711 g 1731 m Mikjel Ellendson Tronhus f 1705, sjå nedre Tronhussetre 54/6.

I 1730 selde eldste sonen, Embrek, all retten sin i garden til den yngre broren Eivind for 60 rd. og 3 tylfter sagtømmer. Embrek hadde gifta seg til eit bruk i Brattrud, og trong difor ikkje Hølersetre. Eivind hadde teke på seg å skaffe foreldra klede og mat i alderdomen.

Eivind Timannson Hølersetre f 1706 d 1743 g 1731 m *Siri Embreksdotter.* I 1740 makeskifta Eivind Hølersetre mot ein part av Ølmhus, Moen, sjå Massingmoen, med Ola Olson Ølmhus. Eivind heldt att Brøtin ved Bøve, Bøvavøllatn, setrane lille og store Bukfyll, og «Struntehæsbraaten» — Struntebrøtin. Her skulle Eivind berre la dyra sine beite om hausten. Ola betalde Eivind 100 rd. i mellomlag. Eivind døydde fattig på Moe, der det var skifte etter han. Då Siri Embreksdotter i 1745 selde Moen til Ola Olson Ølmhus, er ho kalla Dølveseige. Barn:

1. Ingrid f 1731 mogleg gm Embrek Tøsteinson Bagn, sjå Bagnsmoen.
2. Anders f 1732.
3. Gjartrud f 1733.
4. Guri f 1735, kan hende g 1. m Embrek Hermannson Høve, sjå Høve bruk II, og g 2. m Aslak Olson Prestegarden, sjå Rustøe 1/8 og Hølvegen 36/21.
5. Siri f 1738, mogleg g 1. m Trond Tåmåsson Lie og g 2. m Bjørn Olson Sørflate, sjå båe gonger søre Liaeige.
6. Marit f 1742.

Etter at Eivind Timannson og Siri Embreksdotter flytta, brukte Ola Olson Ølmhus Hølersetre, kan hende som seter.

I 1753 lyste odelsmannen *Amund Embrekson,* son til Embrek Timannson Brattrud, pengemangel for løysingsretten sin. Men i august 1756 fekk Amund skøyte av Ola Olson Ølmhus for 400 rd. Amund hadde reist sak om innløysing, men før rettsavgjerd kom dei til forlik. Amund skulle betala 200 rd. for pengar Ola hadde lagt ut og

mindre summar for fleire utgifter, m.a. for å ha bygt ein ny låve og ein stall med trev, for graving av ein brunn og for å ha grave — så heiter det — ein veg til garden. Endeleg hadde Amund for 122 rd. kjøpt all skog som var omtala i ein kontrakt frå oktober 1724, og som høyrde til Ølmhus.

Knapt tre månader seinare, i oktober 1756, selde Amund, som var soldat ved Ytre valdreske kompani, Hølersetre attende til *Ola Ølmhus*. Salssummen var den same, i tillegg skulle Amund ha 110 rd. for odelsretten. I skøytet uttalar Amund: «...mens da jeg nå har ettertenkt det jeg er en fattig kar, og at sette meg i borgning og svare rente av så mange penger ble meg altfor tung, så jeg aldri kunne utstå det, hvorfor jeg har resolveret (besluttet) å avhende gården...»

Etter stemning av Ola Olson Ølmhus var det i juni 1763 åstadsak på Hølersetren. Timann Kallskøt med fleire frå øvre og nedre Reinli var klaga for ikkje å respektere grensene for Hølersetre og plassen Brøtin (Hølerseterbrøtin) m.m. No ville Ola føre vitne, gå opp grensene, og få dei saksøkte dømde slik at det vart slutt med «slik fornærmelige inngrep». Saka vart utsett p.g.a. protest om slektskap i lagretten, men partane kom sjølve til forlik i dei næraste månadene.

På vintertinget i februar 1764 tinglyste dei ein kontrakt, ikkje datert, om utrastene for Hølersetre. Hølersetre ligg ved sameigemarka til Reinli på Veståse, heiter det, og har før vore ein del av sameiga. Heretter skulle garden ha særskilde grenser, som blir fastsette. Utafor den oppgjevne strekninga fekk Hølersetre to engeslette og eit kvernbruk, som vart brukte under plassen Brøtin. Ola Ølmhus på si side oppgav alle krav i sameiga, og fråfall saka på Hølersetren. Husmannen i Brøta skulle høyre inn under den no fastsette eigedomen til Hølersetre.

I mars 1764 selde Ola Ølmhus Hølersetre for 336 rd. til sonen *Steingrim Olson*. Ola ville ha rett til hamne for levetida si for dyra han fødde på Ølmhus samt eit stykke jord til å byggje seterhus på av urydda mark.

Steingrim Olson Ølmhus skøytte i februar 1766 for 650 rd. til *Anders Ivarson,* sjå ovafor, i oktober same år kalla Brøtin, og kona hans, *Beret Knutsdotter*. I kjøpesummen inngjekk kostnaden for ei åstadsak, forbetringar, samt 88 rd. for plassen Brøtin. I mars 1766 fekk Anders odelsskøyte av broren Timann Ivarson Sundeim for 36 rd., rimelegvis Timann Ivarson f 1727 på Hølersetren, son til Ivar Timannson Hølersetre og Siri Bjørnsdotter.

Anders Ivarson selde i oktober 1766 for 850 rd. til *Knut Endreson Eikli* frå Gol, ved giftarmålet oppført med namnet Hoftun, f 1728 d 1802 på Smedsrud. Knut — «Halling-Knut» — er i skøytet kalla Hølersetre, og må då vera komen dit frå Stavadale, der han og kona før hadde budd. G 1764 m *Ingebjørg Olsdotter Stavadalen,* søre Fønnhus 56/1, f 1740 d 1798. Knut Endreson var far til den Bjørn Knutson som budde i Bjødnaplasse under Ølmhus frå slutten av 1700-talet. I 1779 og -80 kjøpte Knut Smedsrud i Bagn, men dei flytta ikkje hit før i 1790-åra. Ved skiftet etter Ingebjørg i Smedsrud var bruttoeiga 255 rd. og nettoeiga 234 rd. Barn til Knut og Ingebjørg:

1. Ola f 1765 d ung.
2. *Marit* f 1767, neste brukar.

3. Barbro f 1770 g 1. m Mikjel Olson Torsrud, g 2. m Hallvor Knutson Eikli, Hallingdal, sjå båe gonger nørdre Torsrud.
4. Ingebjørg f 1773 g 1. m Ola Aslakson Hølle, g 2. m Erik Timannson Åskjer, sjå båe gonger Austegarden 12/bruk II.
5. Ingrid f 1775 g 1. m Ola Aslakson Hølle, sjå Bøle 6/bruk I, g 2. m Ola Olson Brattrud, sjå øvre Brattrud 23/3.
6. Olea f 1780 gm Ola Olson øvre Sørflate.

Knut Endreson selde i 1789 Hølersetre med innreiinga i båe stugune for 900 rd. til versonen *Ola Olson Ølmhus* — «Hølerseterkallen» — f 1761 d 1840 g 1. 1788 m *Marit Knutsdotter Hølersetre* f 1767 d 1795. Knut ville bruke Hølersetre til 1792. Ola fekk i mellomtida Smedsrud, som Knut åtte, mot å svara skattane og avgiftene. Ved skiftet etter Marit i 1795 var bruttoeiga 1064 rd. og nettoeiga 910 rd. Barn:

1. Kari f 1790 — «Tulle-Kari», budde på Hølersetren til ho døydde i 1819. Meir om henne nedafor.
2. *Ingebjørg* f 1793, neste brukar.

Ola Olson g 2. 1797 m *Barbro Ellendsdotter nørdre Leistrud* f 1776 d 1801 i barselseng. Barn:

1. Marit f 1799 d 1800.
2. Ellend f 1801 d 1801.

Ola Olson g 3. 1802 m *Tora Tåmåsdotter Langedrag* f 1776 d 1830. Barn:

1. Ola f 1803 gm Marit Mikjelsdotter Torsrud, sjå nørdre Roo 8/2.
2. Tåmås f 1805 d 1820.
3. Elling f 1808 g 1843 m Turid Sjugurdsdotter Storøydgarden, nedre Storøydgarden bruk I, f ca. 1816.
4. Hallvor f 1818 gm Kjersti Olsdotter Øyhus, sjå Sveinsbrøtin under Åse.

Om «Tulle-Kari» f 1790 d 1819 er det ei segn, her etter Helga Karlsgot Bakken slik far hennar, Herman Karlsgot, fortalde:

«...Kari var elles ikkje døtte åt Kalle. Ho vart te hono bytt den tid rette døtte hass skulde te krestnan ved Bagns kyrkje. Både Kallen og kjerringe hass hadde nok take seg ein dram om mørgon barsølsdagen. Då no kjerringe skulde reive jentongin, kom ho ikkje ihug å vigsle og lesa som ho skulde. Dermed stal haugatye seg te å byte jenta te se.

Den jenta Kallen fekk att, var ho Kari, «Tulle-Kari» dei kalla. Ho vart varande på Hølersæteren te sin døyan dag. Ho var ikkje lik anna folk. Aldri tala ho, og rørde se mest ikkje. Men åt gjorde ho meir enn andre. Det stod henne ikkje mat. All dagen sat ho ved peisvarmin og blikta med hånden framfor andletet. Dei vart så trøytte av å sjå på. Så sydde dei eit kareskinn fast i loven på ein vott og hadde på henne. Men ho blikta like radt. Ho blikta te blodet rann tå andletet. Då laut dei ta votten tå henne att.

Då rette døtte åt Hølersæterkalle var vaksin, skulde ho gifte se. Ein dag Kallen var borti jordet og gjerde ein vårdag, kom det ein liten blåkledd tuftekall te honom, og bad både hono og kjerringe te bryllups. Det skulde stå oppi ved Kringle-kjedne ein stad. Hølersæterfolka hadde nok hatt hug, men dei våga se ikkje te. Brudlaupsdagen hørde Kallen og kjerringe hass fele-låt og ståss av følk og hesta. Då dei kom ut, såg dei ei ferd så vakker at dei vart reint forøvne. Det kom tvu og tvu hesta jamsides, fyrst kom det raude, så brone, så blakke og så blå. Då dei fekk sjå den vakre ferde, angra dei se fordi dei ikkje hadde drege te

Hermann Olson Hølersetre f Erstad 1797 og kona Anne Sjugurdsdotter f Ølmhus 1799. Hermann makeskifta til seg Hølersetre av broren Ola Olson Erstad i 1830.

bryllups lell. Ferde drog framom Hølersæter-tunet og til bygdars.

Så var det ei tid etter at Hølersæterkallen atter stod borti jordet og gjerde. Då — med eitt stod den same blåkledde tuftekallen framfor hono att. Då sa han: «De kunne nok kome te brølløps, for mø er likeså ofte i Bagns kyrkje mø som dø.»

I 1811 selde Ola Olson Hølersetre for 1600 rd. til versonen *Ola Olson Erstad* gm *Ingebjørg Olsdotter Hølersetre,* sjå Erstad. Når Ola Olson Erstad kom til Hølersetre, er usikkert, men han kan iallfall ikkje ha vore her lenge. På Erstad i juni 1822 er skrive eit tillegg til husmannskontrakten til Andreas Bjørnson i Gunhildbrøta. Her heiter det at tilføinga skal gjelde «når den tid kommer at gården Hølersetra tilfaller meg». Me må då tru at verfaren, Ola Olson d.e., og Tora Tåmåsdotter heldt fram som brukarar etter salet i 1811. Lånetaksten i 1826 er det likeins Ola Olson *Erstad* som bed om, og ved makeskiftet i 1830, sjå nedafor, er han kalla Ola Olson Erstad eller Hølersetre.

I 1813 fekk Ola Olson d.e. og kona Tora Tåmåsdotter kontrakt på livaure av årleg verdi 33 1/3 rbd. Dei skulle årleg ha 6 tønner stritt bygg, 1 tønne lettkorn, 1/2 tønne malt, 1/4 tønne rug, 2 skjepper spansk salt, røkt og stell av 4 kyr, 8 småfe samt 1 kvige og 1 kalv, til slakt kvar haust 4 småfe, 5 alen lerret, 5 alen god strie, jord til å setja 5 settingar poteter i, og 2 ruter god jord til kålhage.

I 1822 selde Ola Olson setrane Brøtasetre og Føssehaugen for 300 spd. til Sjugurd Skaratn.

I juni 1826 fekk Ola Erstad lånetakst på Hølersetre. Garden hadde 24 mål åker, der dei årleg avla ca. 48 tønner korn og 20 tønner poteter, kunne fø 2 hestar, 20 naut og 40 småkrøter. Det var skog til husbehov og til sal, og 3 setrar med hus i bra stand, slik husa også var heime. Taksten i alt var 1200 spd.

I 1842 fekk etterfylgjaren Hermann Olson takst, no vurdert til 1600 spd.

I 1830 makeskifta Ola Olson Hølersetre mot den halvparten av Erstad som broren Hermann åtte. Den andre halvparten hadde Ola sjølv åtte sidan 1808. Hermann skulle overta pantegjelda på 200 spd. på Hølersetren. Kvar gard vart verdsett til 300 spd.

Hermann Olson Erstad f 1797 d 1879 g 1821 m *Anne Sjugurdsdotter Ølmhus* f 1799 d 1881. Barn:

1. Ola f 1822 d 1846.
2. Kari f 1824 d 1843.
3. Anne f 1827.
4. Anne f 1831 gm Arne Arneson søre Fønnhus.
5. *Sjugurd* f 1833, neste brukar.
6. Guri f 1835 gm Sjugurd Embrekson Steinsrud.
7. Ola f 1837 gm Marit Tåmåsdotter Langedrag, sjå Dølvesmarke 48/4.
8. Hermann f 1840 gm Marit Olsdotter Kallskøt, sjå øvre Kallskøt 29/4. Hermann og Marit budde nokre år i Hølerseterbrøta før dei flytta til øvre Kallskøt, som dei hadde fått utskild.
9. Kari f 1843 gm Ola Olson Erstad.
10. Guri Maria f 1846.

Ein vinterdag hadde Hermann Olson og kona Anne vore i Bagn, fortel Geirtrud Karlsgot. Då dei skulle attende, kom det på eit svært illver, så dei heldt på å fara ille. Til slutt laut mannen pakke ned kjerringa si med ein frakk og anna, så ho ikkje skulle fryse i hel. Slikt var dei så ofte utsette for, dei som fór etter setervegane om vinteren.

Dei hadde støtt hund på Hølersetren. Fleire av desse var namnspurde av di dei var så kloke. Mest fortalt er det om Bamse og Berrføtt. Båe var gode gjetarar, og jaga både på elg, bjørn og ulv. Ei av sogene om desse hundane handlar om då Bamse var med Hans Holte, som åtte søre Øyhus frå 1859 til 1862, som vakthund for varene på ei byferd til Bragernes. Med slik hund kunne ein reise trygt.

Hermann Olson selde i 1861 garden samt Gutesetre, som han hadde heldt unna frå Erstad ved makeskiftet i 1830, for 200 spd. til sonen *Sjugurd Hermannson* f 1833 d 1889 g 1857 m *Tora Persdotter midtre Jukam* f.1832 d 1901. Barn:

1. Anne f 1858 gm Herman Olson nedre Kallskøt.
2. Kari f 1861 gm Herman Knutson øvre Dølveskamben.
3. Herman f 1864 g 1. m Ingebjørg Eivindsdotter Haslebrøtin, g 2. m Kjerstine Olsdotter Thorsrud, sjå båe gonger øvre Brattrud 23/3.
4. Per f 1866 d 1867.
5. Guri Maria f 1870 gm Erik Syverson Dokken, sjå Hagadokke 29/5.
6. Per f 1873, til Amerika i ung alder, gift der og dreiv juvelforretning.

I 1875 var Ole Andersson f 1855 i Bagn tenestekar. Han reiste til Amerika i 1878 saman med Anne Helgesdotter f ca. 1846 og dottera hennar, Siri, 6 år.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 20 mål høglendt åker og dyrka eng, 110 mål ganske magert slåtteland, frå setrar og utmark kom 36 skippund høy, hamninga var god, 4 tylfter grantømmer kunne hoggast for sal, dei lauva 1000 kjerv, garden låg avsides med ein veg på ei mil, var noko tungbrukt og svært frostlendt. I 1865 hadde dei 1 hest, 18 naut, 25 sauer, 18 geiter, 1 gris, og sådde 1/8 tønne rug, 4 3/4 tønner bygg, 2 tønner blandkorn, 1/8 tønne erter og 6 1/4 tønner poteter.

Det var mange og rommelege hus på Hølersetren, som det går fram av ein branntakst i 1880: 1. Eit våningshus med tre rom i fyrste høgda og tre rom i andre, alle panelte, og steintak. 2. Eit stabbur med fire rom og jordtak. 3. Eit vogn- og vedskjul med to rom og flistak. 4. Ein låve- og stallbygning med åtte rom og bordtak. 5. Eit fjøs med jordtak. 6. Eit småkrøterhus med jordtak. 7. Eit eldhus med jordtak.

Slåttefolk på Hølersetren ca. 1920. Fønnhusgardane kjøpte Hølersetre i 1882, og brukte garden som seter. Frå venstre: Olaf Tronsplass, Arne Tronsplass, Anton Thomasbråten, Anne Fønhus, Syver Heiebråten, Johanne Fønhus, Arne A. Fønhus, Ola Lundelien, Erik Fønhus, Olea Brattrud f Smedmoen, Anna Landmark f Nybråten, Ola Gullberg, Amanda Huset f Smedmoen og Kari Øvergaard f Fønhus.

Men brannforsikringa i 1880 vart inga langsiktig investering. I 1882 selde Sjugurd Hølersetre, kjøpte same år øvre Brattrud i Vestre Bagn, og flytta med familien dit.

Sjugurd selde til bøndene på dei to Fønnhusgardane, som brukte Hølersetre til seter og slått. Setringa heldt fram til 1950-åra, så lenge dei kløvja. Uthusa vart rivne og brukte til ved ettersom dei forfall, men fjøset og den store hovudbygningen står framleis.

Den dyrka jorda, 15 da., vart tilplanta frå 1950-åra. På dei fire plassane var til saman ca. 12 da. dyrka jord. Hølerseterskogen er på 2600 da.

Hølerseterbrøtin bnr. 7

Hølerseterbrøtin lengst vest av bruka i Hølerseterbygden er den eldste av plassane. Då Embrek Timannson Hølersetre selde retten sin til Hølersetre til broren Eivind i 1730, må han ha halde att

Brøtin. I 1744 transporterte nemleg Jens Hofgård på Bragernes på eigne og på vegner av arvingane etter mora, Kirsten Hofgård, retten i plassen Brøtin under Hølersetren til Ola Olson Ølmhus for 36 rd. Arvingane hadde fått utlagt Brøtin, vurdert til 88 rd., på skiftet etter Embrek (Timannson) Brattrud, som vart slutta i juni 1741.

I 1751 fekk husmannen *Knut Olson,* trulova i Reinli 1731, men gift i Kristiania m *Ingrid Eriksdotter,* kontrakt på Hølerseterbrøtin for levetida av Ola Olmhus mot 2 rd. 2. ort i årleg leige. Plassen var opprydda før Knut fekk han, heiter det, og husmannen skulle bruke plassen som før. Ved trulovinga er Knut kalla Seter, og same bustadnamn er brukt då barna vart døypte. Både Knut og Ingrid er oppførte under Hølersetren ved ekstraskatten 1766. I 1754 fekk Knut dottera Tøren med Guri Olsdotter. Knut lyste i 1761 Tøren i kull og kjønn. Barn til Knut og Ingrid:

1. Ola f 1731 d 1752.
2. Erik f 1735.

I 1822 fekk Knut Bjørnson Ølmhuseige med ventande kone husmannskontrakt av Ola Olson Erstad.

Leiga var stor, 8 spd., som skulle svarast ved å slå i 26 dagar — 3 spd., skjera 5 mål skur — 1 spd., arbeide 12 dagar vår og haust — 1 spd. 72 skill., medan resten, 2 spd. 48 skill., skulle betalast med arbeid vår, haust og vinter for gjeldande dagløn i bygda. Plassen hadde 6 mål brukbar åker.

Knut Bjørnson Hølersetereige, Oppheim 53/33, f 1789 d 1857 g 1823 m *Kari Haraldsdotter Høvseige,* Brenno 14/4, f 1795 d 1867. Barn:

Bjørn f 1824, neste husmann.

Bjørn Knutson f 1824 g 1845 m *Inger Olsdotter Fønnhuseige,* Hølerseterhaugen, f 1820. Dei er nemnde i Hølerseterbrøta til 1861, var i 1864 på Øylundeige og i 1865 i Sveriplasse. I 1873 reiste Bjørn og Inger med dei fleste barna til Amerika. Barn:

1. Kari f 1846, til Amerika frå Dølvesbergo 1871.
2. Harald f 1847.
3. Inger f 1850, til Amerika 1873.
4. Ole f 1853, til Amerika frå Øyhuseige 1869.
5. Kristine f 1855 d 1871.
6. Ingeborg f 1858, til Amerika 1873.
7. Knut f 1861, til Amerika 1873.
8. Inger Bertine f 1864, til Amerika 1873.

I 1864 vart Hølerseterbrøtin utskild. *Ola Hermannson Hølersetre* selde same år for 50 spd. til *Ola Olson Dølvesmarke* gm *Anne Olsdotter Bagn,*, som før hadde budd på Dølvesmarken 48/4, sjå der. Ola Hermannson og Ola Olson bytte bruk, for i 1865 selde Ola Olson Dølvesmarke til Ola Hermannson.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 5 mål svært høglendt åker og dyrka eng, 20 mål temmeleg magert slåtteland, frå Tanterhaug kom 6 skippund høy, hamninga var god, og dei lauva 200 kjerv. I 1865 hadde Ola og Anne 1 hest, 5 naut, 6 sauer, 6 geiter, og sådde 1 1/4 tønne bygg og 2 1/2 tønner poteter.

Gudbrand Haraldson Turibrøtin,

sjå nedafor, fekk i 1872 dottera Gunhild med *Ingebjørg Olsdotter Hølerseterbrøtin.*

I 1872 fekk *Hermann Hermannson Hølersetre* auksjonsskøyte for 300 spd. Hermann og kona *Marit Olsdotter Kallskøt* budde her nokre år før dei flytta til øvre Kallskøt, sjå der, som dei fekk utskild av far til Marit. Ved folketeljinga 1875 var dei på øvre Kallskøt.

I 1875 stod Hølerseterbrøtin tom, men i 1891 var *Gudbrand Haraldson Turibrøtin* og kona *Anne Olsdotter Gladhaug* forpaktarar. Gudbrand og Anne ser ut til å ha vore dei siste fastbuande i Hølerseterbrøta, sjå Ølmhushagin 53/18, 21.

I 1897 var *Knut A. Karlsgot* eigar, og selde til *Halstein P. Lybek.* I 1905 selde Halstein Lybek til *Otto Garthus* og *Harald A. Garthus.* Harald Garthus selde halvdelen sin i 1908 til *Christoffer Rustebakke,* og Otto Garthus halvdelen sin til *Oswald Garthus* i 1914. I 1925 kjøpte *Olav M. Rustebakke* halvdelen til Christoffer Rustebakke. Setra Tanterhaug vart utskild i 1937 som bnr. 22, og seld same år til Gunnar M. Øyhus.

Seinare kjøpte *Olaus Islandsmoen* bruket av Olav Rustebakke og Oswald Garthus, og gav det i 1946 til *Harald O.A. Øyhus,* sjå Kveberg 50/47. Harald kjøpte også inntil Bøvaengitn, som ligg nedafor, langs Bøve, av Arne og Mikkel Fønhus.

Den gamle innmarka var på om lag 20 da., og heile arealet har i seinare tid vore ca. 600 da. Olaus Islandsmoen flytta det gamle stabburet til Bagn Bygdesamling. Dørstokken i stabburet er opphoggen, for der brukte dei å hogge kjøtet. Harald Øyhus arbeidde veg like opp i tunet.

Steinbrøtin bnr. 6

Nordaust og litt opp for Hølerseterbrøta ligg Steinbrøtin. Der budde det lengst folk i Hølerseterbygden.

Dei fyrste kjende husmannsfolka her er *Gul Monsson Hellandshølen* frå ein stad på Grimsrudeiga f 1793 d 1868 g 1817 m *Kari Amundsdotter Eidseige,* Eidsbrøtin, f 1795 d 1883. Kari var namngjeten til å hulle. Både døydde i Steinbrøta. Dei er nemnde på Eidseige 1817 og -20, på Fønnhuseige 1823 og -26, og på Hølersetereige, eller Steinbrøtin, frå 1829. Barn:

1. Ingrid f 1817, til Øystre Slidre, gm Ola Olson Rudi, dei åtte til sist Hovihaugen (søre Haugen 45/27). Ingrid døydde i 1923, og var då den eldste i landet — 105 år, 4 månader og 3 dagar. Det var smått stell heime i Steinbrøta, og allereie i åtte-ni årsalderen måtte Ingrid bort til framande. Fyrst var ho på Sørflaten i tre år som gjetarjente, seinare ulike stader som tenestejente. (Valdres 5.5.1923.)
2. Amund f 1820.
3. Ragnhild f 1823.
4. Anne f 1826 gm Anders Kristaferson Køll.
5. *Mons* f 1829, var nokre år i Steinbrøta, sjå nedafor. I 1857 fekk Mons sonen Ole, gm Marie Haraldsdotter Skarshaugen, sjå Velingsrudeige, med Anne Andreasdotter Gunhildbrøtin.
6. Ola f 1833 d 1849.
7. *Kristafer* f 1837, husmann 1865.

Mons Gulson g 1858 m *Ingebjørg Olsdotter Langedragslie,* syster til Anders Lønnum, budde dei fyrste åra i

Steinbrøta, heiter det i Valdres 18.8.1927, sjå Hølt 54/33 om dei. I kyrkjeboka er dei nemnde i Gladhauglien 1864 og -66, i Steinbrøta og på Hølersetereige 1868 og -71, og i Dølvesbergo frå 1873.

I Hølersetergrenden på Mons Gulson si tid budde ein dei kalla «Fille-Tåmås», ein original det gjekk mange historier om i ettertida. Kravstor var Tåmås ikkje. Det galdt også kleda, som var årsak til oppnamnet. Opphavleg kalla folk han derimot «Fiskar-Tåmås» fordi han var kjend som ein særs dyktig fiskar. Tåmås hadde ingen plass sjølv, men heldt til hjå andre, mest i Steinbrøta. (Sjå t.d. G.O. Lien: «Fisker-Tåmås — Fille-Tåmås», Norsk jæger- og fiskerforenings tidsskrift 1928, hefte 3 s 182 ff. I Mikkjel Fønhus sin roman «Skogsfolket i bjønnemarka», med emne frå Hølersetergrenden, møter me Tåmås som «Fiskar-Truls».)

Ut frå opplysningane i G.O. Lien sin artikkel, som plasserar den eventyraktige Tåmås i tid, synest kyrkjebøkene å kunne fortelja kor han ætta ifrå. «Fille-Tåmås» er truleg den *Tåmås Herbrandson* frå Steinsetereige som var f 1786 og d 1861 på Ølmhuseige som legdsfattig. I 1818 fekk Tåmås Herbrandson dottera Tora med Anne Johannesdotter Hølersetre. Kan hende var Anne tenestejente på Hølersetren, nokon Johannes er iallfall ikkje kjend som brukar i Hølerseterbygden på denne tida.

I 1864 vart Steinbrøtin utskild, og seld året etter for 50 spd. til *Kristafer Gulson Steinbrøtin* f 1837 g 1860 m *Gunhild Sjugurdsdotter Grimsrudeige,* Trefothaugen under Grimsrud, f 1826. Dei var i Steinbrøta iallfall til 1866, og er nemnde i Renna under midtre Garthus 1868. Seinare kom dei til Hedalen. I 1884 reiste Kristafer og Gunhild til Amerika, medan iallfall tre av barna ser ut til å ha reist før. Barn:

1. Kari f 1861, truleg til Amerika 1883.
2. Gudbrand f 1863, truleg til Amerika 1882.
3. Martin f 1866, truleg til Amerika 1883.
4. Gunhild Maria f 1868.

I 1865 hadde dei 2 naut, 3 sauer, 2 geiter, og sådde 3/4 tønne bygg og 2 tønner poteter.

Hermann Hermannson Hølersetre fekk i 1872 auksjonsskøyte for 150 spd., men skulle ha budd nokre år i Hølerseterbrøta, som han kjøpte samstundes.

I 1875 var *Mikjel Knutson Plassen,* Bakkatn 12/1, f 1819 g 1843 m *Ingebjørg Johannesdotter Prestegardseige,* Biribakkin 38/5, f 1823, husmannsfolk. Mikjel var også skinnfellmakar. Dei flytta mykje ikring, og er nemnde i Sparkevik 1843, på Prestegardseige 1845, fekk festesetel på Milevatnet 1847, var i Lykkjun 1850, i Rennun under Bagnsjorde 1853—61, og i Lindelien 1863 og -64. I 1865 var Mikjel gardsgut i prestegarden og sonen Johannes tenestegut. Ingebjørg var innerstkone i Biribakka, med fem barn. I 1891 budde Mikjel og Ingebjørg på Island under Velingsrud. Barn:

1. Anne f 1843 gm Erik Olson Åseneige, sjå Tordebrøtahagin 54/3.
2. Knut f 1845.
3. *Johannes* f 1847, neste brukar.
4. Ole f 1850.
5. Martin f 1853 gm Gjertrud Iversdotter Ølmhushagin, sjå der.
6. Anton f 1856 g 1. m Tora Olsdotter Åsliheiene, g 2. m Olea Olsdotter Gullberg, sjå båe gonger Bjørke under Ølmhus.
7. Mikkel f 1858.

8. Johan f 1861.
9. Ivar f 1863 d 1864.
10. Ivar f 1865.

Knut Andersson Kallskøt var eigar i 1890, og selde til sonen til Mikjel Knutson, *Johannes Mikjelson Steinbrøtin* f 1847 d 1901 g 1889 m *Inger Olsdotter Klauvstad,* Klauvstad og Tordebrøtin, f 1862 d 1950. Dette var den siste fastbuande familien i Hølersetergrenden, alle dei andre bruka var etter kvart fråflytta. Men dei klarte seg bra i Steinbrøta, og hadde to—tre kyr. Johannes gjekk i gang med å reise ei ny stugu, men vart sjuk då han hadde lagt tre kvarv. Etterjulsvinteren 1901 døydde Johannes. Då vart det uråd for Inger og barna og greie seg åleine så langt til skogs, og hausten etter flytta dei til Lindokke, som var plass under Steinsetren. Her tok eit nytt og strevsamt liv til. Det var hardt å vera einsleg mor for ein barneflokk, og barna måtte tidleg ut for å tene. Barn:

1. Martinius f 1890, til Amerika 1912. Martinius gjekk på Hølera skule medan familien budde i Steinbrøta, og budde hjå bestemora på Klauvstad.
2. Knut f 1892 d 1892.
3. Knut f 1893, til Amerika 1911.
4. Berit f 1897 gm Anton Olson Brenden, sjå Hallom 96/13.
5. Oluf f 1898 d 1984 g 1. 1926 m Olga Flattum, Bjoneskogen, som kom til Steinsetre som tenestejente. Dei reiste til USA i 1927. Oluf g 2. i USA m Olga Vamstad Tallackson, av Hadeland-slekt. Oluf Stenbroten kom seks gonger på besøk til Norge. Valdres og heimtraktene låg hjarta hans nær, og han hadde store kunnskapar om folk og slektskapstilhøve på båe sider av Atlanteren. Gjennom sine mange vener og breie kontaktflate gjorde Oluf Stenbroten ein stor og verdfull innsats for å halde oppe og vidareutvikle sambandet mellom gamlelandet og Valdresætlingar i den nye verda. (Meir om Oluf Stenbroten og familien i Steinbrøta i Valdres 17.2.1984.)
6. Ingeborg f 1900 d 1900.

I 1902 kjøpte Erik og Arne Fønhus bruket av Bagn fattigstyre, og sidan har Steinbrøtin høyrt til Fønnhusgardane.

Gunhildbrøtin

Dei fyrste kjende husmannsfolka i Gunhildbrøta, litt aust for Hølersetren, er *Kristafer Jensson,* Dølvesbrenne, f 1776 d 1861 i Vilhelmsplasse g 1804 m *Ingrid Sjugurdsdotter Tronrud,* nørdre Brattrud bruk I, f 1780 d 1852. Kristafer var kalla Hølersetereige ved giftarmålet, og må vel då alt ha kome til Gunhildbrøtin. Namnet Gunhildbrøtin er brukt i skiftet etter far til Kristafer, Jens Bårdson Dølvesbrenne, i 1811. Sidan ingen i familien til Kristafer hadde dette namnet, er plassen frå før hans tid, med mindre Gunhildbrøtin opphavleg var eit slåttenamn. I 1766 var Jens Bårdson kalla Hølersetre då han viste fram ein bjørnehud på tinget, men det er uvisst om det har nokon samanheng med Gunhildbrøtin. Barn:

1. Jens f 1804.
2. Sjugurd f 1807 gm Gunhild Olsdotter Skarseige, sjå Bergabrøtin 39/34.

3. Hølje f 1810, skal visstnok ha vore g 1. m ei frå Haug, Etnedal, g 2. m Anne Olsdotter Håvårdsplassen, sjå Joplassen 47/3.
4. Kari f 1814 d 1814.
5. Ola f 1816 gm Tøren (Taran) Olsdotter Strømmenseige, sjå Dølvesknatten.
6. Kristafer f 1821 gm Ågot Gulsdotter Åseneige, sjå Leiteplassen 47/7.

I april 1821 fekk Andreas Bjørnson frå Bjødnaplasse og ventande kone husmannskontrakt av Ola Olson Hølersetre.

Saman med plassen fekk dei òg bruke ein slått, *Embreksbrøtin,* og rydde og utvide Gunhildbrøtin. Leiga på 2 spd. 1 ort skulle betalast ved å slå eit stykke heime på jordet i Hølersetren, slå ein mæling på setra, arbeide ei veke om våren og nokre dagar om hausten. I juni 1822 skreiv Ola Olson Erstad ei tilføying på kontrakten om at leiga skulle aukast med 3 ort når han overtok Hølersetre, sjå også Hølersetre. 2 ort skulle vera skur og 1 ort vinterarbeid.

Andreas Bjørnson Hølersetereige, Oppheim 53/33, f 1795 g 1825 m *Gjartrud Olsdotter Hølersetereige,* mogleg Tronhuseige og f 1793, d 1867. Andreas hadde kjempekrefter, og var vidkjend som brøtningskar. Ein gong løfta han ein hest, er det fortalt. Han var lova så mykje graut at han kunne eta seg mett. Barn:

1. Anne f 1825 g 1860 m Jon Arneson Kambaeige, sjå Smedmoen 50/23. Anne fekk i 1857 sonen Ole med Mons Gulson Steinbrøtin. Ole gm Marie Haraldsdotter Skarshaugen, sjå Velingsrudeige.
2. Olea f 1829 gm Ivar Hansson, Ådalen, sjå Ølmhushagin 53/18.
3. *Bjørn* f 1833 gm *Kari Sjugurdsdotter Brenne,* sjå nedre Dølvesbrenne 48/15. Dei budde også i Gunhildbrøta i 1865, då Bjørn brukte plassen saman med foreldra. Bjørn kjøpte nedre Dølvesbrenne i 1870.

I 1865 hadde dei 4 naut, 7 sauer, 11 geiter, og sådde 1 1/4 tønne bygg og 1 1/4 tønne poteter.

Trond Olson gm *Ingrid Olsdotter Bagnseige,* sjå Bråtån 67/9, var husmannsfolk i 1875, og er også nemde her i 1876. I 1878 var dei i Eidsbakko, og kom seinare til Bråtån under Rustebakke. Trond og Ingrid er dei siste me kjenner i Gunhildbrøta.

Hølerseterhaugen

Nedanfor og litt aust for Hølersetren låg plassen Haugen, rydda av Ola Nilsson frå Åslibråtån frå 1828. Ola, som før hadde vore husmann på ein plass under Fønnhus, fekk i februar 1828 kontrakt av Ola Olson Erstad for levetida til seg og kona Jøren Mikjelsdotter på to stykke uarbeidd mark. I juni 1853, då Ola var død, overlet Jøren plassen til Hølerseter-bonden, Hermann Olson.

Etter kontrakten frå 1828 skulle det byggjast og ryddast på det eine stykket, *Embreksslåtten,* det andre skulle ryddast til slåtteland. Dela for plassen og andre rettar til husmannen blir oppgjevne. Pliktene var å arbeide 1 veke om våren, slå 12 dagar om sumaren, arbeide 1 veke om hausten, etter Mikkjelsmess, arbeide for 24 skill. kvart år, når det blir kravt. Det vart også teke

omsyn til at husmannsfolka i byrjinga ville få det stridt med å rydde og byggje opp den nye heimen sin: Det fyrste året skulle berre svarast 48 skill., og dei neste tre 9 mark. Deretter skulle pliktarbeidet vera som fastsett.

Ola Nilsson Åsli, Åslibråtån 76/9, f ca. 1789 d 1852 g 2. 1813 m *Jøren Mikjelsdotter Tronhus,* nedre Tronhusseterbrøtin, f 1785 d 1861. Barn:

1. Mikjel f 1814 fekk i 1835 dottera Jøren med Ingebjørg Sjugurdsdotter Sørum. Mikjel gm Olea Olsdotter Sørflatseige, sjå Søreng 50/30.
2. Nils f 1816 d 1830.
3. Ingrid f 1819 gm Jens Bårdson Ølmhuseige, sjå Bjørke under Ølmhus.
4. Inger f 1820 gm Bjørn Knutson Hølersetereige, sjå Hølerseterbrøtin 53/7.
5. Helga f 1823 fekk i 1851 dottera Kari med Alv Alvson Leistrud. Helga gm Anders Trondson Bakkatn, sjå Austegarden 12/lnr. 385b. Helga, Anders og Kari til Amerika 1857.
6. Marit f 1827 g 1852 m Hallvor Ivarson Jordet, nedre Bagn bruk III, til Amerika 1853.

Ivar Hansson frå Ådalen og kona *Olea Andreasdotter Gunhildbrøtin* er nemnde på Hølersetereige 1855, på Hølerseterhauge 1857, og frå 1862 i Ølmhushaga, sjå der.

Frå 1859 til -68 er *Nils Andersson Bagnseige* gm *Guri Kristafersdotter Dølveseige,* sjå Kølplassen under søre Øyhus, nemnde på Hølersetereige og Hølerseterhauge. Frå Hølerseterhauge flytta dei til Sveriplassen under Øyhus, og er nemde i 1871 på Øyhuseige. Sonen Anton Sveriplassen fortalde i eit intervju i 1939 med Oswald Garthus litt om tida i Hølerseterbygden, sjå Sveriplassen 50/32.

I 1865 hadde Nils og Guri 4 kyr, 9 sauer, 5 geiter, og sådde 3/4 tønne bygg og 1/2 tønne blandkorn.

I 1865 leigde *Arne Mikjelson Lijordhaugen* gm *Ragnhild Kristafersdotter Kamben* med to barn rom hjå Nils og Guri, sjå Bakkejordet under øvre Brattrud. Dei er nemnde på Hølerseterhauge også i 1866.

Eivind Arneson Kambaeige gm *Anne Marie Olsdotter Langedragseige,* sjå Rundbrøtin under Steinsetren, er nemnde på Hølerseterhauge 1871 og -72, og på Steinsetereige frå 1875.

I 1880 var *Anton Mikkelson Steinbrøtin* og kona *Tora Olsdotter Åsliheiene,* sjå Bjørke under Ølmhus, på Hølerseterhauge, og er dei siste me kjenner som budde her.

Hølersetereige

Gudbrand Jonson Tollevsrud gm *Siri Aslaksdotter Bøen* er nemnde på Hølersetren og Hølersetereige 1794 og -96, men var i 1801 på ein plass under Lundo, sjå under Tollevsrud.

Ola Andersson Sørumseige f ca. 1759 g 1787 m *Beret Bjørnsdotter Iljanstad,* i 1801 51 år, kan hende den Beret Bjørnsdotter som døydde på Åseneige i 1849, då oppgjeven å vera 80 år gamal. I 1793 var dei på Steinsrudeige, og var dei einaste husmannsfolka under Hølersetren i 1801. Barn:

1. Anne f ca. 1789.
2. Anders f 1793, mogleg den Anders Olson Åseneige som i 1819 gifta seg med Ingebjørg Eriksdotter Belgum, sjå Seterbrøtin under Åse.

Eivind Olson Hølersetereige, Storøydgardseige, f 1775 d 1811 g 1804 m *Beret Olsdotter Vøll* f ca. 1773 d 1811. Dei er nemnde på ein plass under Hølersetren 1806 og -08, men både døydde som husmannsfolk under Storøydgarde. Barn:

1. Anne f 1804 g 1. m Arne Olson Dølveseige, sjå Bjørnstad 48/39, g 2. m Kristafer Erikson Køll, sjå der.
2. Marit f 1806 gm Ola Olson Ølmhuseige, sjå Skreddarbrøtin under øvre Tronhussetren.
3. Ola f 1808 gm Antonette Hansdotter Tronhuseige, sjå Klubbeberget under Tronhus.

Nils Jonson frå Biri gm *Gunhild Kristafersdotter Braka,* sjå Biribrenne under Storstøllien. Dei er nemnde på Hølersetereige 1814 og -15.

Tronhus

Gamalt matrikkelnr. 157, gamal skyld 4 skinn, frå 1744 4 skinn 6 lispund tunge.
***1838:* Nytt matrikkelnr. 51, ny skyld 13 dalar 3 ort 20 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 54, skyld 38 mark 4 øyre.**

Tronhus ligg nede i dalbotnen på sørsida av Begna, 205 m o.h. Den flate innmarka som strekkjer seg langsetter elva, har vore mykje utsett for flaum. Under Ofsen i 1789 raserte flaum og skred heilt 6 mælingar eng og øydela 10 mål åker for tre—fire år. Skaden vart taksert til 200 rd. Innmarka blir delt i to av allfarvegen, no E 68.

Gardsnamnet kjem av gamalnorsk *Þróndarhús,* med mannsnamnet *Trond (Þróndr)* som fyrstelekk.

Tronhus rådde over et stort område frå gamalt av. Mot grannegarden i nord, Ølmhus, er elva Hølera grense i dalen og eit stykke innover åsen. I sør støyter Tronhus mot Garthus frå dalbotnen og opp på Haugaberget. Herifrå grensar Tronhus mot Åse nordover til Gaupeskaret, der delet dreier mot sørvest.

I tingbøkene for fyrste delen av 1700-talet finn me fleire grensesaker.

Grensa mot Ølmhus vart fastslått i juni 1709. Ola Ølmhus hadde då hogge sagtømmer på ein stad sønnafor Hølerun som Guro Eriksdotter, enkje etter Mikjel Tronhus, meinte høyrde Tronhus til. Det var teke arrest i tømmeret. Partane vart forlikte om at Ola Ølmhus skulle betala Guro og barna hennar 20 rd. i skadebot, og at grensa mellom utrastene til Ølmhus og Tronhus heretter skulle gå etter Hølerun og Øykjevassbekke. Ølmhus skulle eige på den nørdre sida og Tronhus på den søre.

I august 1720 var det sak om skogdelet mellom Åsen og Tronhus. Anders Gunnarson Åsen hadde innstemna Ellend Mikjelson Tronhus. Vitne som Anders førte, hevda at Åsen og Tronhus, og også Garthus, hadde hatt felles mark heilt til Reinsjøbekken, der hedølene støytte imot frå vest og reinlingane frå nord. Strekninga til Reinsjøbekken vart oppgjeven og stadfesta til bortimot 1 1/2 mil. Anders bad om å få fastsett skilje og dele fram til Reinsjøbekken.

Lagretten fann at heile denne lange strekninga var for mykje å gjera til utrast og eineeigedom for Tronhus og Åsen. Det var ikkje rimeleg at gardane åtte lengre enn til austsida av Øykjevatne, slik det hadde vore frå gamalt. Vest og nord for vatnet og bekken derifrå skulle vera felles mark etter skylda til kvar av dei, med hogst, setrar, hamne og annan bruk. Det var ikkje prova at Ellend Tronhus hadde hogge ulovleg, så han vart frikjend. I sakskostnad måtte kvar betala retten 6 rd. for den «lange vei, møye og besværing».

I november 1728 vart det inngått kontrakt mellom Tronhus og Åsen om delet i heim- og utrastene, — no er grensa trukken forbi og vest for Øykjevatne. Ein delekontrakt er også datert og tinglyst i november 1729, men det er tilsynelatande same kontrakten som året før. Etter teksten frå 1729 skal delet byrja i *Gaupeskare* etter gjerdet til nørdre enden av Storliberget, derifrå til Kroneputten, til nørdre Øykjevassoset, fylgjer så bekken nordetter til Setervadet, derifrå vestover til to furuer, kalla «Systrene», derifrå til Storøyvassoset, derifrå til Køllseter, vestover til ein stor haug sønnafor Larsebøle, og endeleg derifrå i Muggedøla, der skiftet og eigedomen endar. Erik Arnesen Tronhus skulle bruke på den nørdre sida og Anders Gunnarson Åsen på den søre. Delet galdt hogst og setrar, me-

Garden Tronhus i slutten av 1930-åra.

dan hamne skulle vera felles vestafor Øykjevasssbekke.

Ei fylgje av delekontrakten er nok søksmålet Anders Åsen og Erik Tronhus reiste i september 1729 mot fleire grannar for ulovleg hogst. I oktober var det sak. Det blir opplyst at hogsten hadde skjedd «over Hølørn til Flødedammen, Putterne og i Rensiøbechen». Dei saksøkte meinte å ha hogge på sameigemark, og at difor heile sameiga måtte vera part i saka. Blant vitna var Kjell Olson Fønnhus, 80 år gamal, som sa han ikkje hadde vore på dei omtvista stadene på 40 år. Men før den tid veit han at avlidne Mikjel Tronhus og oppsitjarane i Åse, Ivar og Jakob, hadde fiske, setrar og hamne her, og ingen annan frå Reinli. På dei tider var heller ingen tømmerhogst så langt borte. Men då det vart teke til med hogst, veit han at Mikjel Tronhus hogg sagtømmer der.

Saka enda med forlik, «for videre trette og pengespille å spare». Alt sagtømmeret, med unnatak av det Ola og Knut Lundatn hadde merka, skulle tilfalle Erik Tronhus og Anders Åsen. For tømmeret med påslått merke skulle Ola og Knut Lundatn betala Erik Tronhus 1 rd. 2 ort 8 skill. for tylften av furu, og 1 rd. 1 ort 8 skill. for tylften av gran. Det umerka tømmeret overtok Erik Tronhus. Dei innstemna lova aldri meir å koma med nokon slags hogst på desse stadene.

Men at Tronhuseiga skulle gå vest for Øykjevassbekke, var ikkje opplagt. Bøndene i Reinli-sameiga protesterte. Dei hevda at Øykjevassbekken var dele mellom Tronhus og sameiga. I juni 1730 kom det til sak,

der både Erik Arneson Tronhus og Anders Gunnerson Åsen var innstemna saman med andre bønder i grannelaget. Synfaringa tok til ved Setervadet i Øykjevassbekke, deretter la ein vegen om Øyvasshøgde før retten vart sett på Hølersetren. Anders Åsen meinte at denne saka var han uvedkomande ettersom delet mellom Åsen og Tronhus vart fastsett i 1728. Åsen åtte på sørsida, og hadde ikkje noko å gjera med dei omtvista åstadene.

I alt sju vitne prova at føremannen til Erik på Tronhus, Mikjel Arneson, berre hadde meint seg å eige til Øykjevassbekken, og heldt marka vestafor som sameige. Og slik vart dommen. Erik Tronhus hadde gjeve fleire grannar lov til å hogge eit langt større kvantum tømmer vestafor Øykjevassbekke enn Tronhus hadde rett til i sameiga — 197 tylfter 4 stokker gran- og furutømmer samt noko som ikkje var opptalt. Dette tømmeret skulle tilfalle samtlege bønder etter kvar sin rett, mot rettmessig løn til dei som hadde gjort arbeidet. Erik Tronhus måtte gje frå seg alt han hadde innkravt i skogleige. I sakskostnad måtte Erik ut med så mykje som 24 rd. for den «påførte vidløftige og kostbare prosess». Anders Åsen vart frikjend ettersom det ikkje var kome fram prov mot han.

Tronhus vart rydda i gamalnorsk tid, låg øyde i seinmellomalderen, og er fyrste gong nemnd i skriftlege kjelder i 1595. No var garden teken i bruk att, men førebels berre som underbruk. Kan hende var Arne Bjørnson Dølve den fyrste som byrja å nyttiggjera seg beite og slått på øydegarden Tronhus. I kongsjordeboka frå 1616 heiter det iallfall at Arne Dølve har «Tronhus øde» som underbruk, og betalde 5 album i årleg frelse. Seinare kom son til Arne, Anders Arneson, hit, og var rimelegvis den som bygde opp att garden.

Etter at drifta kom i gang, var Tronhus skattemessig vurdert som øydegard. Tiende *1661:* 1/2 tønne bygg. Matrikkel *1667:* Det er skog til husbehov. Må dyrke rydningsland og lage humlehage. Matrikkel *1723:* Har skog til husbehov. Tømmerskogen er nesten nedhoggen og det finst ikkje mykje voksterskog, men er noko til bråteland. Der er god hamne og utraster. Garden har to setrar, på den eine er inga høyslette, på den andre kan ein få to lass høy. Tre husmenn. Tronhus ligg i baklia, og elva gjer stundom skade på åker og eng. Skyldsetjing *1744,* då det var tre brukarar: Alle sår til saman 9 tønner korn og havre, før 20 kyr og ungdyr, 24 småkrøter og 3 hestar. Åkeren er omtrent 30 mål på mager sandjord, og blir mange år i flaumtida overskyld og utvaska av elva. Engelandet er stort, og ligg mange stader på tenleg jord. Skogen er stor, men rommer no nesten ikkje sagtømmer. Likevel meinte lagretten at Tronhus kunne tole ei auke i skylda på 6 lispund tunge. Matrikkel *1761:* Pengar til skattar og avgifter kjem i fyrste rekkje frå jorda. Matrikkel *1782:* Tre husmannsplassar.

På den gamle Tronhuseiga kom etter kvart mange bruk. Nokre langsetter dalbotnen, og oppe i skoglia i vest voks det fram ei heil lita bygd, Seterbygde. I området mot Hølerun er det utskilt tomter til skule, bedehus og fleire bustadhus. Sjølv om tolkinga av visse einskildopplysningar på 1700-talet byd på vanskar, gjev kjeldene samla sett oversyn over kronologien i oppdelinga.

Frå 1730-åra var hovudbølet Tronhus todelt, og ved kontrakt i 1745 delt i tre. Den nørdre parten, seinare også

omtala som *nørdre Tronhus,* var ei geografisk eining som omfatta området nord for garden, der bruka Tordebrøtin, Klauvstad og Gladhaug ligg, samt Seterbygde. Den to delane på den søre parten vart Tronhus bnr. 8 og Storsvee bnr. 11. Tronhus bnr. 8 var todelt 1760—82.

Frå Tronhus bnr. 8 vart Åmot bnr. 9, tidlegare kalla «Mostugu», utskild i 1887, Tørstad bnr. 16 i 1905, og Hølt bnr. 33 i 1933. Hølt har frå 1939 høyrt til Tronhus. Storsvee omfattar også Veslesvee og Langbrøtin, båe var ei tid eigne bruk. Veslesvee vart seld til Storsvee i 1798 og Langbrøtin i 1834.

Hansebrøtin bnr. 7 har vore eige bruk sidan byrjinga av 1700-talet, skyldsett i 1823.

Til *nørdre Tronhus* var også Hellandshølen rekna, iallfall i 1760-åra. Det må ha årsak i at Hellandshølen før delinga i 1740-åra høyrde inn under skylda til den parten som vart nørdre Tronhus. Hellandshølen var fyrst på 1700-talet ein utslått, og fekk truleg busetnad i 1730-åra. Frå 1780 til -97 var det her to partar, bruk I og II. 1823—44 var Hellandshølen igjen to partar, bruk A og B. Ved skylddeling i 1854 framstod nørdre Hellandshølen bnr. 12 og søre Hellandshølen bnr. 13.

Etter Hansebrøtin er øvre Tronhussetre den eldste garden i Seterbygden, fråseld Tronhus i 1716. Plassen nedre Tronhussetre vart fråseld øvre Tronhussetren i 1800 og skyldsett i 1811. I 1921 vart dei nedlagde plassane øvre og nedre Brøtin utskilde frå øvre og nedre Tronhussetren med namnet Solhaug, bnr. 23 og 24.

I området frå Tordebrøta og nordover er *Klauvstad* nytta som fellesnamn i andre halvdel av 1700-talet og eit stykke inn i det neste hundreåret. Utgangspunktet for namnebruken, sjølve plassen Klauvstad, var iallfall oppteken i 1720-åra.

Frå 1763 var dette Klauvstad delt i to, bruk I og II, og fekk seinare éin eigar. Ved sal 1809—11 og skylddeling i 1812 vart Klauvstad, som også omfatta Gladhaug, tredelt i Gladhaug, Klauvstad og Tordebrøtin. Klauvstad og Tordebrøtin høyrde delvis saman frå 1822, men skylddelt i 1870 i Klauvstad bnr. 2 og Tordebrøtin bnr. 4. Same år vart Tordebrøtahagin bnr. 3 utskild, men kom seinare saman att med Tordebrøtin. Frå Tordebrøta bnr. 4 vart handelsstaden Lundby utskild i 1891, og frå Tordebrøtahaga bnr. 3 Nissebakkin bnr. 29 i 1924. Frå Gladhaug bnr. 1 vart plassen Lie eller Gladhauglie utskild som bnr. 14 i 1889, men høyrde frå 1892 til Gladhaug att.

I ei sak i 1742, sjå nedafor, blir det i vitneprov opplyst om fylgjande setrar under Tronhus: Øyvassetre — brukt av Klauvstad, Reinsjøvassetre, Køllsetre — Tåmås Steinarson Braka brukte denne eitt år, Reinsjødalen og Bekkesetre.

Setrar etter oppteikninga frå 1935, korrigert med nye opplysningar: Gladhaug bnr. 1: Lundevøllen i Reinsjødale. Klauvstad bnr. 2: Smørhølet. Tordebråten bnr. 4: Øyvassetre. Øvre Tronhussetre bnr. 5: Nysetre i Reinsjødale. Hansebrøtin bnr. 7: Smørhølet. Tronhus bnr. 8: Nysetre i Reinsjødale. Storsvee bnr. 11: Reinsjødalen. Hellandshølen bnr. 13: Store-Bukfyll. Solhaug bnr. 23 og 24: Gamlesetre.

Husmannsplassane var mange, og alt i dei fyrste tiåra av 1700-talet skaut ryddinga fart. Matrikkelutkastet 1723 nemner tre husmenn. 19 år etter, i

mars 1742, blir det i ei sak opplyst om desse husværa under Tronhus, dvs. utanom hovudbølet: Klauvstad, Setre, Hansebrøtin, Hølen — må vera Hellandshølen, «Klubebøle» — rimelegvis Klubbeberget, Svee — Storsvee, øvre Setre og Hølerbrøtin. Hølerbrøtin kan vera ein plass i skogen til nørdre Hellandshølen, *Hølabrøtin.* I alt kjenner me fylgjande plassar: Under hovudbølet Tronhus låg Mostugu ved møtet mellom Hølera og Begna, utskild med namnet Åmot i 1887. Sør for Storsveen låg tre plassar: Hølt, nemnd frå fyrste del av 1800-talet, vart utskild i 1933. På Klubbeberge, nemnd alt i 1742, budde det folk til eit stykke ut på 1900-talet. Frå slutten av 1700-talet er Jamsis nemnd, nedlagd før 1850. Storsvee hadde plassane Veslesvee, oppteken seinast kring 1770, og var eige bruk før det vart selt til Storsvee i 1798. Langbrøtin, rydda i 1748, vart seinare eige bruk, men seld til Storsvee i 1834. Lykkja hadde busetnad iallfall frå kring 1840, og vart nedlagd etter 1900. Under Hansebrøta låg Haugen, venteleg rydda fyrst på 1800-talet, fråflytta før 1900. På 1800-talet hadde øvre Setre fleire plassar. I øvre Tronhusseterbrøta, nedlagd etter 1900, budde det sannsynlegvis folk frå slutten av 1780-åra. Nedre Tronhusseterbrøtin, etter utskiljinga av nedre Tronhussetre delt mellom sistnemnde og øvre Tronhussetren, ser også ut til å vera frå før 1800. Her var busetnad til om lag 1900. I 1921 vart øvre og nedre Brøtin utskilde og slått saman til bruket Solhaug. Heimen er nemnd frå fyrst i 1860-åra, og var nedlagd før 1900. Skreddarbrøtin er nemnd i 1865, men hadde endå kortare levetid enn Heimen. Nedre Tronhussetre hadde vore bustad frå fyrste del av 1700-talet då han i 1800 vart fråseld øvre Setren. I innmarka til nedre Tronhussetre er det tradisjon om ein plass kalla Gukku — Gauken.

I nokre tiår kring midten av 1800-talet er Tordebrøtahagin nemnd som plass. Under Gladhaug låg Lie, der det seinast var folk frå 1830-åra. Gladhauglie vart utskild som eige bruk i 1889, men gjekk attende til Gladhaug. Under Gladhaug — og iallfall ei tid under Klauvstad — låg Børthus, nemnd frå det fyrste tiåret av 1800-talet til 1840-åra. I 1750-åra er Brumoen nemnd, og var plass under det gamle og omfattande Klauvstad.

Den eldste vegen til Seterbygde, som var kløvjaveg om sumaren, gjekk opp frå Tronhusbrøta, etter bekkedalen i Hansebrøta og vidare om Ivarsbrøtin til Åsen. Seinare vart det grave noko så vegen vart køyrande med kjerre, men han var svært bratt. Kring 1880 vart bygt ny veg til Seterbygde og vidare til Åsen. Vegen var bratt og smal, og avløyst av den noverande vegen i 1964. Tømmeret frå Seterbygden var køyrt utpå bakkane nedafor jordet i Hansebrøta, og sidan rent ned på jordet i Tronhusbrøta. Det var òg køyrt tømmer nedafor nedre Setren og rent nedover *Tordebrøtarenna* til Tordebrøtajordet. Derifrå var det køyrt med hest på elva.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	10	43	53

	Bonde-folk	Teneste-folk	Husmanns-folk	Handverks-folk	Arbeids-folk	Fattig-folk	Andre	
1782	18	3	11				13	45
1801	25	3	46		3		2	79
1865	71	7	42	2	4	2	5	133
1900	63	3	35	10	2	2	23	138

Husdyrhald, utsæd og avling 1657—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1657	1	16	25			
1667	2	12	11	1 1/4		
1723	2	22	12	4 15/16		
1761	4	47	78	14	59	39 lass
1782	2	29	44	9 1/2	49	88 lass
1866	8	55	105	34 3/4 korn	321 3/5	370 skpd.
				42 poteter	236	

Eigarar

Kjeldene frå fyrste halvdelen av 1600-talet gjev ikkje eintydige og fullstendige opplysningar om eigartilhøva. Men minst 1 skinn høyrde krona til. I 1650-åra fortel odelsskattelistene at Anders Tronhus, son til Arne Dølve, eig 2 skinn, eller halve garden. Denne parten var rimelegvis gamal Dølve-odel. I 1687 reiste arvingane etter Arne Bjørnson Dølve sak om delinga av odelsgodset, sjå Dølve. Her heiter det at Mikjel Tronhus — son til Anders Arneson — skulle ha 2 skinn i Tronhus. Den andre halvparten av garden overtok Anders før 1667, for berre han er ført som eigar i matrikkelen dette året.

Bruk, husmannsplassar og bustadhus

Arne Dølve kan mogleg ha brukt Tronhus under Dølve fram til 1640-åra. I skattematrikkelen 1647 er sonen Anders oppført som husmann, og kalla Anders Tronhus. Det må oppfattast slik at arbeidet med å byggje opp Tronhus no var i gang. I kopp-

skattelista frå 1645 er Anders derimot kalla Anders Dølve. Frå 1648 og framover er kona til Anders, Dorte Ellendsdotter, oppført på Tronhus, og åtte jordegods utanom.

Anders Arneson Tronhus, Dølve, i 1664 50 år, dvs. f ca. 1614, gm *Dorte Ellendsdotter,* venteleg frå Lo i Aurdal ettersom ho hadde arva odelsgods der. Ved eit arveoppgjer om Lo i 1700 blir det vist til at Anders Arneson hadde pantsett godset til Dorte i 1670. Barn til Anders og Dorte som me kjenner:

1. *Mikjel,* eldste bror og neste brukar.
2. Mogleg Nils f ca. 1644 d 1709.
3. Mogleg Ola. I 1713 gifta ein Ola Andersson Tronhus seg med Halldis Knutsdotter. Det er uvisst om han er identisk med den Ola Andersson Åsen som vart gravlagd i 1715, 60 år gamal.
4. Gunhild f ca. 1651 gm Arne Olson søre Fønnhus.
5. Tøren f ca. 1662 gm Kristafer Arneson Langedrag.
6. Kjersti f ca. 1666 gm Mikjel Embrekson Roo, sjå nedre Roo 15/1.
7. Siri f ca. 1670 gm Tore Person Tronrud.
8. Arne f ca. 1672 g 1. m Marit Olsdotter, g 2. m Anne Olsdotter, sjå båe gonger Åsen.
9. Ei dotter gm Harald Gudbrandson Grimsrud.
10. Ei dotter gm Håvård Sjugurdson Skar.
11. Ei dotter gm Østen Andersson Garthus.

Mikjel Andersson, d før 1712, er nemnd som brukar frå 1690, men overtok rimelegvis før. I saka om delet mot sameiga i 1730, sjå ovafor, fortalde *Guro Eriksdotter,* enkje etter Mikjel, mogleg frå Austegarde bruk II, f ca. 1649 d 1738, at ho budde på Tronhus med mannen sin i 36 år. I 1730 var Guro 81 år og for svak og skrøpeleg til sjølv å kunne møte fram under rettssaka. Mikjel fekk i 1700 skøyte frå flere verbrør på arvepartar i Tronhus, og Mikjel og Guro skøyte på arv i garden frå Arne Andersson, bror til Mikjel, i 1702. Barn:

1. Tora f ca. 1671 gm Håvård Toreson Bakke.
2. Ingebjørg f ca. 1673 gm Ola Arneson søre Fønnhus.
3. *Ellend* f ca. 1676, neste brukar.
4. Anne f ca. 1681 gm Ola Kjellson nørdre Fønnhus.
5. Anders f ca. 1688 gm Rønnaug Knutsdotter, sjå øvre Tronhussetre 54/5.
6. Arne f 1692.
7. Ingrid gm Bjørn Olson Øyhus, sjå Øyhus bruk II.

Ellend Mikjelson f ca. 1676 d 1765 g 1704 m *Gudbjørg Knutsdotter Stugarden* f ca. 1685 d 1768. Ved gravferda til Gudbjørg i 1768 noterte presten i kyrkjeboka: «Denne kvinne har i et ekteskap i 60 år før sin død 10 barn, 45 barnebarn og 16 barnebarnsbarn.» I 1707 selde Ellend odels- og åsetesretten til 9 skinn i Stugarden til Gul Gulson, halvbror til Gudbjørg. I 1712 kjøpte Ellend arvepartane til syskena i Tronhus for 74 rd. Barn til Ellend og Gudbjørg:

1. Mikjel f 1705 gm Ingrid Timannsdotter Hølersetre, sjå nedre Tronhussetre 54/6.

2. Gunhild f 1707.
3. Knut f 1709 gm Gunhild Eriksdotter, sjå Tronhus 54/8.
4. Tore f 1712.
5. Anders f 1715 gm Inger Olsdotter Jukam, sjå øvre Tronhussetre 54/5.
6. Gunhild f 1717 gm Ola Vilhelmson, sjå Langbrøtin av Tronhus.
7. Guro f 1719.
8. Ola f 1722.
9. Arne f 1727 gm Beret Ellendsdotter Garthus, sjå Hellandshølen.
10. Det tiande barnet er kan hende den Amund Ellendson som i 1760 fekk dottera Gudbjørg med Beret Jensdotter på Tronhus.

Ellend Mikjelson Tronhus ser ut til å ha vore ein uvøren og framfus kar som hadde lett for å vikle seg inn i problem og vanskar. Eit par gonger gjorde han seg skuldig i lovbrot, den eine gongen galdt ei så alvorleg sak som drap, og vart idømd bøter. Heller ikkje hadde han nokon lykkeleg hand med gardsstyringa. Etter å ha skaffa seg stor gjeld på nakken, laut han han gå frå Tronhus, fyrst ved pantsetjing, så ved sal.

Drapet fann stad i eit bryllaup på Tronhus 12. desember 1713, men vart vurdert som ei ulykke. Under ein voldsom krangel med Tåmås Hallsteinson Grimsrud hadde Ellend fått tak i kniven til Tåmås. Ellend, temmelig drukken, veiva etter Tåmås med kniven og stakk han i armen. Men så gleid kniven og trefte ei kvinne, Skreddar-Anne, i brystet. Ho vart liggjande på golvet og døydde. Dei tre hadde vore åleine i stugu.

Fordi drapet ikkje var tilsikta, slapp Ellend frå hendinga utan sjølv å miste livet. Men på vårtinget i 1714 vart han dømd til klekkelege bøter, fyrst til arvingane etter Anne, dinest til Tåmås for armskaden. Også Tåmås måtte ut med bøter, både for å ha overfalle Ellend og for ikkje å ha passa betre på kniven sin. Etter at saka hadde vore innstemna for lagtinget i Kristiania og handsama der, appellerte Ellend til overhoffretten om frikjenning. Men overhoffretten vurderte i mai 1715 hendinga likeins med sorenskrivaren som eit vådedrap, og stadfesta i alt den fyrste domen.

Det gjekk trått med betalinga. Til tinget i februar 1720 var Ellend innstemna av Sjugurd Erikson Bagn, formyndar for Kari, dotter til den drepne Skreddar-Anne, og klaga for ikkje å ville betala dei 20 rd. som Kari hadde krav på. Ellend møtte ikkje, og saka vart utsett.

Munnleg tradisjon fortel at Skreddar-Anne ville prøve å roe slåstkjempene, men vart råka av kniven Ellend brukte. Ho skulle etter dette vorte lagd på kjøkenbordet, der det vart ein blodflekk. Bordet vart seinare laga om til eit mindre bord, som er i øvre Setren og vart brukt som kjøkenbord. Den andre delen er brukt som stalldør. Bordet må i 1713 ha vore ca. 3,30 m langt, og hadde to plankar i bordskiva.

På slutten av året 1719 fødte Eli Hallvorsdotter Skar ein son, Sjugurd, som ho hadde fått saman med Ellend Tronhus. Futen stemna båe til vårtinget 1720 for leiermål, men ingen møtte, heller ikkje då saka kom opp på nytt i november same år. Det blir opplyst at Eli bur på Leistrudeige, og at mor hennar heiter Siri Sjugurdsdotter. På det siste tinget fall dommen, som gav dryge bøter til båe.

I 1720 måtte Ellend gje frå seg halve garden som pant til Erik Arneson Fønnhus. Erik hadde lånt Ellend 400 rd., men reiste sak etter di Ellend ikkje ville skriftfeste avtala om det brukelege pantet, samt fordi han meinte seg forulempa i nokre praktiske spørsmål.

På tinget i september vart dei einige om at Ellend skulle betala det han

skulda Erik dagen før førstkomande Vår frue dag, og at Erik deretter skulle ryddiggjera Tronhus. Dersom pengane ikkje vart betalde innan fristen, skulle Erik bruke den pantsette garddelen i 9 åremål, eller 27 år, med grenser som er nærmare oppgjevne. I Tronhusskoge skulle Erik årleg kunne hogge 8 tylfter sagtømmer og nytte to setrar: den vestre setra, kalla Nysetre, i Reinsjødale, og øvre Vesle-heimsetra. Vart pengane ikkje betalde, skulle Erik dagen etter Vår frue dag betala 100 rd. til Ellend. Allereie hadde Ellend motteke 82 rd., slik at 18 rd. stod att. I sakskostnad skulle Ellend betala Erik 3 rd. og ein smiubelg i smiu på Tronhus. Dersom Erik forlet Tronhus til Vår frue dag, skulle han ha pengar i staden for belgen, slik at den framleis kunne bli på garden.

Ellend stelte seg ikkje likare enn at han måtte låne meir av Erik Arneson, og innan kort tid var gjelda komen opp i 1000 rd. Etter vitneprov på hausttinget 1721 kan Ellend no, motlaus og likeglad, ikkje ha sett annan utveg enn å overlata alt. På vårparten 1721 gav han Erik lov til å setja opp kva slags brev han sjølv ynskte, anten han ville ha Tronhus som kjøp, pant på åremål eller kontrakt. Ellend tillet også Erik å innløyse dei engesletta og andre herlegdomar som var bortsette for pengar, med unnatak av plassen Setre, bortsett til Anders Mikjelson, bror til Ellend. Erik let så skrive eit brev om brukeleg pant i heile Tronhus eller 4 skinn, datert 4. oktober 1721. Ellend budde ved dette tidspunktet på Øyhus. I 1719 budde Ellend og Gudbjørg i Setren, som må ha vore nedre Setre. I 1732 er Ellend nemnd blant husmenn på Tronhuseiga.

Då det kom til stykket, ville ikkje Ellend setja signeten sin under til stadfesting, og Erik stemna han til tings. Til vårtinget 1722 var brevet likevel i orden og kunne tinglysast.

20 år seinare fekk Ellend Mikjelson Erik Arneson inn for tinget. Dels klaga Ellend over den store skaden han meinte Tronhus var påført gjennom storstilt hogst i panteåra, sjå meir om skogsdrifta nedafor, dels sette Ellend spørsmålsteikn ved pantebrevet frå 1721. Erik lurte signeten frå han, hevda Ellend, under løfte om å betala 100 rd., som Ellend aldri hadde fått. Ellend hadde ikkje vore til stades då pantebrevet vart signert. Det var under føresetnad om dei 100 rd. at Ellend hadde sendt signeten sin med Marit Ølmhus til tinget.

Det synest som at Ellend eigentleg var ute etter meir pengar. For same dagen som avhøret av mange vitne på vårtinget i mars 1742, selde Ellend odels- og åsetesretten til halve Tronhus eller 2 skinn til Erik Arneson for 40 rd. Også den innstemna synfaringa i oktober 1742 enda med forlik.

Kan hende var det son til Ellend, Knut Ellendson, som fyrst og fremst dempa stridslysta hjå faren. Knut var gift med ei dotter til Erik Arneson. At Knut verkeleg spelte ein meglarrolle, kjem fram i odelsskøytet frå mars 1742, der det heiter at salet har skjedd i samråd med Knut. Gjennom ekteskapet mellom Knut Ellendson og Gunhild Eriksdotter fekk dessutan den gamle Tronhus-slekta på nytt fotfeste på garden, for frå fyrst i 1730-åra hadde Erik late sonen Arne og versonen Knut bruke kvar sin halvdel.

Forliket i oktober 1742 gjekk ut på at Ellend Mikjelson skulle utferde

skøyte på pantegodset til Arne Erikson og Knut Ellendson Tronhus. Til gjengjeld skulle dei betala sakskostnaden, kvar 40 rd., til Ellend. Som siste punkt fekk Ellend og kona hans lov til å bruke plassen Hansebrøtin for levetida si.

Erik Arneson Setre, søre Fønnhus, f ca. 1677 d 1752 g 1703 m *Anne Olsdotter,* nedre Storøydgarden, f ca. 1682 d 1739. Erik Arneson kjøpte Steinsetre av faren i 1699, som han makeskifta mot øvre Storøydgarden i 1713. I 1725 selde han øvre Storøydgarden til broren Anders — «Storigardskallen», også kjend som Anders Arneson Bagn. Erik og Anne er nemnde i Steinsetren til 1713, på Høgøydgarde 1715, på øvre Storøydgarde 1717, og var på Tronhus frå 1720. Barn som me kjenner:

1. *Arne* f 1704, brukte ei tid halve Tronhus, gm *Kari Hansdotter,* sjå Klauvstad.
2. Gunhild f 1706.
3. Ola f 1713.
4. *Gunhild* f 1715 gm *Knut Ellendson Tronhus,* brukte ei tid halve Tronhus, sjå Tronhus 54/8.
5. Guri f 1717 d 1721.
6. Anders f 1720 gm Siri Bjørnsdotter Steinsrud, sjå nørdre Tronhus.
7. Mikjel f 1722 d 1733.
8. Guri f ca. 1724.
9. Tøren f 1729.

I juni 1733 skifta Anne og Erik ein del av midelen sin mellom barna. Dei som då levde, var Arne, Anders, Mikjel, Gunhild og Guri. Bruttoeiga var 1473 rd., av det var pantegodset verdsett til 1251 rd., og nettoeiga 114 rd. I 1739, då Anne var død og det ho og Erik hadde heldt attende i 1733 vart skifta, var bruttoeiga 2561 rd. og nettoeiga så mykje som 2336 rd.

Våren 1732 hadde Erik og Anne overlate bruken av Tronhus til sonen Arne og versonen Knut Ellendson. Som aldrande folk kjende foreldra seg ikkje lenger i stand til å ha nokon fordel av framleis å drive garden, heiter det ved skiftet i 1733.

For levetida si ville Anne og Erik ha husleiga frå samtlege husvære under Tronhus, med unnatak av Larsebøle, der leiga skulle svarast til oppsitjaren. Dei ville også ha skogen mellom Tronhus og Garthus sønnafor garden, nedunder berget langs elva.

Husa på Tronhus vart delte slik mellom sonen og versonen: Arne Erikson skulle ha den nye stugu, det nyaste fjøset, den gamle låven med to fôrhus inntil, den gamle vedskålen, den søre kjellarbua, det søre loftet med ei bu under, og det austre og minste stalltrevet. Knut Ellendson skulle bruke resten av husa med unnatak av dei to nyaste stabbura, ei bu aust i garden og kjellarbua, som foreldra sjølv ville ha for levetida si. Begge oppsitjarane skulle ha halvdelen av eldhuset, badstugu, smiu og kvernhuset.

I motsetnad til føremannen Ellend Mikjelson, som lite lykkast for, var Erik Arneson ein driftig brukar som visste å forvalte det han hadde. I skogen tok han ut store tømmermengder, ja, let drive så intenst at Ellend reiste sak. Velstanden skiftet frå 1739 ber bod om, har nok fyrst og fremst årsak i inntektene frå tømmersal. Midelen gav Erik høve til å virke som pengeutlånar, og han innløyste partar av Tronhus Ellend hadde bortsett som pant: Plassen Hansebrøtin, engeslettet Langøye, og engesletta Hellandshølen og Knutsbrøtin, alle i 1725.

Ved vitneavhøyringa på vårtinget i mars 1742 vart det m.a. opplyst at Erik Arneson med Aslak Klauvstad hogg 70 tylfter grantømmer i Tronhusskoge i 1728, som vart selt til Ola Lundatn. I 1733 hogg Arne og Knut Tronhus 84 tylfter sagtømmer av gran. Same år betalde Kristafer Øyhus Arne og Knut 180 rd. for å få hogge tømmer i Hølerlien i sju år. Det skjedde, og her vart hogge 658 tylfter. For 16 år sidan gav Anders Åsen Erik Arneson 20 rd. i skogleige for å få hogge sagtømmer dei neste fem åra i sameiga mellom Åsen og Tronhus. Her hogg han om lag 133 tylfter. Ola Øyhus fortel at han som tømmerkjøpar sidan 1733 har kjøpt om lag 150 tylfter sagtømmer av gran og furu, mest furu, av oppsitjarane på Tronhus. Ola Lundatn fortel at han frå 16 til 8 år sidan har kjøpt i alt 218 tylfter 2 stokker sagtømmer frå Tronhus. Også tømmerkjøparane Erik Hesselberg og Ola Gulla vitna, fyrstnemnde i tillegg på vegner av bror sin.

Om jordbruket fortel Anders Erikson, son til Erik Arneson: Så lenge han minnast har faren av den årlege avlinga på Tronhus hatt det kornet — her nok bygg — han trong til hushaldet, og dessutan årleg selt korn og havre til andre. Men i 1740 var det misvekst på kornet på Tronhus.

Ved synfaring i oktober 1742 vart skogen mellom Tronhusknatten og Begna, som var furuskog, funnen nesten heilt ruinert «ved umåtelig tømmerhugst». Berre ganske få tre kunne gje måls sagtømmer. Stubbane, som var praktisk talt uråd å telja, synte også at det var hogge ein god del undermåls sagtømmer. I skogen nord for Tronhus var ein stor del vokstertre av furu og gran samt store bjørketre nedrydda og oppbrende til bråtar, dei sistnemnde trea kunne garden hatt nytte av til neverflekking.

Frå 1732, stadfesta i skiftet 1733, brukte då Arne Erikson og Knut Ellendson kvar sin halvdel av Tronhus. Arne sin del låg nørdst, også kalla *nørdre Tronhus,* som etter delekontrakten frå 1745, sjå nedafor, ser ut til å ha omfatta området nord for den gamle garden — Klauvstad, Tordebrøtin m.m. Den søre parten høyrde til Knut. Men ved skyldsetjinga i oktober 1744 er også Ola Arneson — Ola Arneson Fønnhus eller Steinsrud — nemnd som brukar her. Knut og Ola brukte då 1 skinn kvar, og Arne den andre halvdelen på 2 skinn. Fyrst i juli 1745 ferda imidlertid Knut Ellendson ut eit pantebrev til Ola Arneson Steinsrud for eit lån på 312 rd. med brukeleg pant i 1 skinn.

I juli 1745 sette dei tre brukarane — Knut, Ola og Arne — opp ein delekontrakt. Det gamle hovudbølet tilfall Knut, og parten til Ola kan neppe ha vore anna enn Storsvee. I kontrakten heiter det:

«At jeg Arne Erikson for den nordre og halve del av bemeldte Tronhus skal heretter følge til «Bardammen» i elven like opp imot berget, nord etter skiftes gården under Tronhusdalen i Kvernbekken, etter bekken i Hansebråten skifte opp etter til Måfåhaugen i Seter skifte, nord etter samme Seter skifte og Guttormsbråten, etter hvilke skjelnesteder jeg Arne Eriksen tilfaller alt hva som på den nordre side er beliggende, såvelsom Øyvasseteren og Gamleseteren, samt Kollseteren og halve delen i Øvre-Seteren, og hva som på den syndre side ad bemeldte skjelnesteder befinnes, skal følge oss Knut Erlandsen og Ole Arnesen Tronhus, hvilket vi imellom oss således har delt, at skjelnet skal gå frå skiftes grinden norden gården like sønder etter almueveien i Vesle-Sveekilen, og skal jeg Ole Arnesen tilhøre det som inngjerdet er neden veien alt til Vesle-Sveekilen, og jeg Knut Erlandsen på den øvre side, enn videre skal jeg Ole Arnesen tilfalle på den øvre

side ad almueveien fra nordre «Feesholt» sør etter veien i Hellandshøl skiftet, alt hvis som inngjerdet er, og jeg Knut Erlandsen på den nedre side, mens Hansebråten og Seteren skal vi Knut Erlandsen og Ole Arnesen ha til felles, og hvis tømmerskog som finnes på gården Tronhusets eiendeler, skal jeg Arne Eriksen ha den halve del av, og vi Knut Erlandsen og Ole Arnesen den andre halvdel, hver like meget, hvilket av oss på alle sider uryggelig skal holdes.»

Kjeldene gjev ikkje fullstendige opplysningar om sal, men før 1750 må Knut Ellendson ha vorte eigar av halve Tronhus, etter skyldsetjinga i 1744 2 skinn 3 lispund tunge. I 1739 kjøpte Knut 1/2 skinn av verfaren Erik Arneson for 156 rd. I 1744 pantsette Knut 1/2 skinn, rimelegvis det førnemnde, til svogeren Ola Olson Bø for eit lån på 150 rd.

I 1750 selde Knut Ellendson heile parten sin i Tronhus til *Mikjel Mikjelson Langøydgarden* for 740 rd. og 8 rd. i årleg livaure til verfaren. Same år kjøpte Knut 1 skinn i søre Lundo av Knut Kristaferson Lundatn. I februar 1752 februar kjøpte Knut Ellendson for 370 rd. halvdelen av det Mikjel åtte, 1 skinn 1 1/2 lispund tunge. Samstundes sette dei opp ein delekontrakt. Etter at delestadene er oppgjevne, heiter det at Mikjel skal eige på den søre og Knut på den nørdre sida. Knut fekk då hovudbølet Tronhus og Mikjel Storsvee.

Tronhus bnr. 8

Knut Ellendson Tronhus, son til Ellend Mikjelson og Gudbjørg Knutsdotter, f 1709 d 1785 g 1733 m *Gunhild Eriksdotter Tronhus,* dotter til Erik Arneson og Anne Olsdotter, f 1715 d 1798. Barn:

1. Mikjel f 1734 d 1735.
2. Erik f 1736 gm Siri Olsdotter Ølmhus, sjå Tronhus 58/4 b.
3. Mikjel f 1738 gm Lisbet Kristensdotter Bagn, sjå Storsvee 54/11.
4. Arne, eller Anne, f 1740 d 1740.
5. Anne f 1741 d 1742.
6. Ola f 1743.
7. Anne f 1744 gm Ola Mikjelson nørdre Fønnhus.
8. Arne f 1747.
9. *Ellend* f 1749, neste brukar.
10. Ambjørg f 1752.
11. Truleg Gunhild f ca. 1756 gm Ellend Andersson Tronhus, sjå øvre Tronhussetre 54/5.
12. Gudbjørg f 1757.

I 1753 kjøpte Knut Ellendson for 289 rd. eit stykke åker, eng og utmark, vurdert til 1/2 skinn, av Anders Erikson på nørdre Tronhus. Arealet strekte seg «fra Storelven Begna kalt, vestetter, like etter Kvernelven på den søndre side derav like til Knut Erlandsens egen eiendom motstøter». Alt låg på den nørdre sida av garden Tronhus. I 1764 gjorde Knut Ellendson og sonen Erik Knutson makeskifte med Anders Ellendson i øvre Tronhussetren. Anders Ellendson overdrog odelsretten til det halve skinnet som Knut hadde kjøpt i 1753, medan Knut og Erik overdrog retten sin til halvparten av plassen Anderssetre — øvre Tronhussetre. Anders betalde 16 rd. til Erik.

I 1765 selde Knut halvparten av det nemnde jordstykket, 1/4 skinn, til *Hølje Gudbrandson Tronhus,* på vegner av stesonen *Ola Erikson.* Salssummen var 192 rd., av det 48 rd. for ar-

beidet. Hølje Gudbrandson budde på den halvdelen av garden som Knut i 1760 hadde selt til sonen Erik Knutson, Tronhus bnr. 8b, og var gift med Siri Olsdotter, enkje etter Erik.

I 1771 selde Knut garden til sonen *Ellend Knutson* for 590 rd. Ved salet ser Knut ut til å ha halde noko tilbake, for i 1772 gjorde han makeskifte med sonen Mikjel Knutson på Storsveen. Mikjel overlet faren plassen «Skoer Berget» — Storberget eller Klubbeberget, og Knut let Mikjel få Gamlesetre og betalde 50 rd. i mellomlag.

Tronhus bnr. 8b

Erik Knutson Tronhus, f 1736 d 1765 kjøpte denne halvparten av faren i 1760 for 160 rd., g 1761 m *Siri Olsdotter Ølmhus* f 1739. Barn:

1. Ola f 1762 gm Beret Olsdotter Steinsetre, sjå Hansebrøtin 54/7.
2. Marit f 1764.

Siri Olsdotter g 2. 1765 m *Hølje Gudbrandson Haugsrud,* sjå Flatseige i Hedalen. Dei er nemnde på Tronhus i 1766 og -69, og på Grøv i 1774.

I 1770 selde Hølje bnr. 8b til verfaren *Ola Ølmhus* for 336 rd. Ola Ølmhus selde nokre veker seinare til bror sin, *Arne Olson,* for same sum.

I 1780 var Ola Ølmhus formyndar for barnebarnet Ola Erikson, f 1762. På vegner av myndlingen oppretta då Ola kontrakt med Ellend Knutson Tronhus om det halve skinnet som var kjøpt i 1753, og som Ola Erikson var odelsmann til. Når Ola Erikson vart myndig, skulle han overta halvdelen som Ellend Knutson hadde, men ikkje drive ut far til Ellend, Knut Ellendson, så lenge han levde.

Ola Ølmhus brukte bnr. 8b i 1780. Men i 1782 selde eigaren, Arne Olson Øyhus, for 500 rd. til *Ellend Knutson.* Dermed var Ellend eigar av heile bnr. 8. Det vart ikkje slik at Ola Erikson tok over bnr. 8b, og i 1788 selde han odelsretten til syskenbarnet Ellend for 32 rd.

Tronhus bnr. 8 samla

Ellend Knutson f 1749 d 1834 vart brukar etter faren, og overtok som nemnt også bnr. 8b i 1782. Ellend var g 1789 m *Åste Gunnarsdotter Åsen* f 1764 d 1823. Ved skiftet etter Åste i 1823 var bruttoeiga 864 spd. og nettoeiga 784 spd. Barn:

1. *Kari* f 1790, neste brukar.
2. Knut f 1793 d 1797.
3. Gunhild f 1795 d 1797.
4. Gunhild f 1798 gm Gunnar Andersson Tronhus, Hansebrøtin, sjå under Åsli.
5. Anne f 1801 gm Gudbrand Hansson Sørum.
6. Gudbjørg f 1804.
7. Knut f 1806.

I 1792 kjøpte Ellend Knutson setra Larsebøle under Tronhus av Lars Olson Steinsetre for i alt 70 rd. med påkostnader. Lars hadde kjøpt setra i 1786 av Jon Olson Fekjar. Seinare vart Larsebøle fråseld, og skyldsett i 1826. Eigar var då Ola Olson Muggedalen.

I 1823 selde Ellend Knutson for 800 spd. til versonen *Ola Andersson Stugarden* f 1796 d 1874 gm *Kari Ellendsdotter* f 1790 d 1878. Barn:

1. Kari f 1812 gm Kristafer Larsson Steinsetre.
2. Anders f 1814 gm Kari Kristensdotter Flaten, sjå søre Nordby 77/4.
3. Åste f 1816, fekk i 1843 sonen Ola med Ola Olson Sørflate.
4. Ellend f 1819 d 1830.
5. *Knut* f 1821, neste brukar.
6. Ingrid f 1824.
7. Ola f 1826 g 1858 m Kari Olsdotter Erstad f 1828. Dei kjøpte Midtbøen i Nordre Land. Kari døydde barnlaus, og Ola g 2. 1862 m Siri Olsdotter Mikjelsøydgarden. Siri gifta seg opp att med Arne Olson Bagnsjordet.
8. Andreas f 1829 gm Kari Bjørnsdotter Storsveeige, sjå Nord-Grøv 84/8.

Knut Olson Tronhus f 1821 d 1907 kjøpte i 1846 av faren for 700 spd., g 1847 m *Kjersti Arnesdotter søre Fønnhus* f 1824 d 1899. I 1860 fekk Knut dottera Gunhild med Ingebjørg Gudbrandsdotter Åseneige. Barn til Knut og Kjersti:

1. Kari f 1848 gm Ola Arneson Øyhus, sjå Grøvsdokken 84/10.
2. *Ola* f 1850, neste brukar.
3. Ingrid f 1852 gm Lars Larsson Schlytter, sjå Skaret 68/5.
4. Arne f 1855 d 1857.
6. Arne f 1857 d 1857.
7. Anne f 1858 d 1907.
8. Arne f 1861 d 1894, kjøpte Tømtitn 1889.
9. Andreas f 1864 d 1864.
10. Andreas f 1866, til Amerika 1886, d der ugift.
11. Ellend f 1869 d 1869.
12. Maria f 1871 d 1892.

Knut Olson Tronhus f 1821 og kona Kjersti Arnesdotter f Fønnhus 1824 med barna, som i bakre rekkje er: Kari, Ola og Ingrid, til venstre for Knut Anne, til høgre for Kjersti Arne, og på fanget til Kjersti sit yngste dottera Maria. Frå byrjinga av 1870-åra.

I 1850 bytte Knut Olson Tronhus og Ola Embrekson Storsvee nokre partar seg imellom som låg inne i den andre sin eigedom. Frå Tronhus fekk Ola Storsvee ein inngjerda åker av plassen Jamsis på den søre sida av allfarvegen, og setra Bakkin med hamne på Heimåse. Knut Tronhus fekk frå Storsvee eit åkerstykke på Tronhusmoe på den nørdre sida av allfarvegen, og Sveasetre nørdst i Reinsjødale med påståande hus og hamne. Knut Olson makeskifta i 1865 Sveasetre mot kvernbruket til Ola Gladhaug ved Begna.

Etter matrikkelførebuinga 1866 hadde Tronhus 36 mål svært god åker og dyrka eng, 86 mål ganske godt slåtte-



Ola Knutson Tronhus f 1850 på trappa av kvernhuset til Tronhus. Kverna stod i bekken ved Lundby, nørdst på Tronhusjorde. I bekken var også gardssag. Innafor døropninga ligg kornsekkar.

land, frå Nysetren og Veslesetren kom 34 skippund høy, hamninga var nokolunde tilstrekkeleg, 10 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast årleg, dei lauva 2000 kjerv, og garden var lettbrukt og godt dyrka. I 1865 hadde dei så mykje som 6 hestar, 10 kyr og ungdyr, 22 sauer, 19 geiter, og sådde 1/2 tønne rug, 1 tønne bygg, 7 1/2 tønner blandkorn, 1/4 tønne erter og 8 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med steintak. 2. Ein stugubygning med steintak. 3. Eit nytt fjøs med bordtak. 4. Eit stabbur med steintak. 5. Ein låve- og stallbygning med bordtak. 6. Ein treskjelåve med bordtak. 7. Eit mindre stabbur med steintak. 8. Ei bu med bordtak.

I 1890 selde Knut Olson til sonen *Ola Knutson Tronhus* f 1850 d 1940 g 1877 m *Karine Olsdotter Storsvee* 1855 d 1931. Barn:

1. Knut f 1877 d 1932, reiste til Amerika, men kom attende.
2. Kristine f 1880 d 1893.
3. Ole f 1882, til Amerika.
4. Anne Marie f 1883 gm Syver Mikkelson Dølvesæter, sjå nørdre Dølvesetre 48/10.
5. *Arne* f 1885 d 1938, brukar saman med broren Martin.
6. Kari f 1887 gm Olaus Reierson Dølven, sjå Dølve 48/1.
7. Ingrid f 1890 d 1974.
8. *Martin* f 1893, brukar saman med broren Arne.
9. Kristine f 1895 gm Gudbrand Martinson Bakke, sjå søre Bakke 82/5.
10. Anton f 1900 d 1927.
11. Sigurd f 1901 d 1923.

Ola og Karine Tronhus høyrer som bondefolk til den gamle type, som bilkulturen diverre held på å utrydde, skriv Mikkjel Fønhus ved gullbryllaupet deira i Valdres 17.2.1927. Dei har drive garden fram i fellesskap. Langs Tronhusjordet har Ola og sønene køyrt på utallige hestelass med stein, som no dannar ein borgmur der elva bryt på og vil grava ut. Kvar liten stein var slitt opp av jorda.

I 1913 selde Ola Knutson til sønene *Arne* og *Martin*. Dei delte eigedomen

seinare, slik at Arne overtok Hølt, der han bygde, og Bergaskogen og Luvebladet. Den tidlegare husmannsplassen Hølt vart utskild som bnr. 33 i 1933. Martin fekk hovudbølet og resten av skogen. Då Arne døydde, gjekk heile eigedomen hans over til Martin.

Martin Tronhus f 1893 d 1987 gm *Ingeborg Knutsdotter Brenden,* øvre Dølvesbrenne 48/14, f 1907. Barn:

Ola f 1941, eigar frå 1977.

Medrekna Hølt har Tronhus ca. 100 da. innmark. Fyrste traktorpløying var i 1943. Nørdst på jordet, ovafor E 68, kallast det *Tronhusbrøtin.* Her var skibakke til midten av 50-åra. Heimskogen på sørvestsida av garden er ca. 600 da. Bergaskogen på oversida av Klubbeberge, opphavleg utskild til Hølt, er òg ca. 600 da. Den nørdre delen av Bergaskoge er kalla *Høltelie* av di husmannsfolka på Hølt fekk lauve og ta ved her. Skogen ved heimsetra Veslesetre er ca. 1300 da. Lengre vest, mellom Fakshøllie og Øyvassbekken, ligg en skog på ca. 540 da., kalla Luvebladet. I alt blir det ca. 3040 da. I tillegg kjem to teigar i sameiga på tilsaman ca. 700 da. I 1867 kjøpte Knut Tronhus Liabekklie skog. Denne skogen vart seinare delt i fleire partar, og parten til Tronhus fråseld etter 1900.

Hovudbygningen er frå ca. 1840. Kårbygningen, som er eldre, var fyrst i ei høgd, og påbygd til to høgder i 1910. I det minste våningshuset skal ha vore krambu. Det minste stabburet er frå før 1800, og det største frå om lag midten av 1800-talet. Fjøset er kalla nytt i branntaksten 1875. Låven er gamal, og vart påbygd ein del i 1905. Ein annan låve er kalla «Gamlelåvin», og det finst òg ein gamal skåle. I søre enden av skålen var i eldre tid stall med spiltau til fem hestar. Stallen vart nytta den tida det er sagt å ha vore skysstasjon på Tronhus. Garasje med reiskapshus vart bygd i 1964. Eldhus, smiu og badstugu er gamle. I skogkanten vest for tunet står eit gamalt sumarfjøs. I 1911 vart springvatn innlagt på garden.

Om lag 150 m vest for tunet, like ovafor riksvegen, hadde Tronhus ein stor tjæreomn, mura av tegl- og gråstein, ca. 3,5 m lang, 2 m breid og 1,5 m høg. I kvar brensle kunne brennast ein famn 60 cm lang ved. Omnen var i bruk i om lag 100 år, og vart riven etter krigen.

I bekken ved Lundby hadde Tronhus kvern og oppgangssag. Saga vart riven litt etter 1900, og kverna ca.

Brudebilete av Ingebjørg f Brenden 1907 og Martin Tronhus f 1893.

1950. I eldre tid skal Tronhus ha hatt kvern i Hølerun ved Åmot.

Tronhus har no Nysetre i Reinsjødale og heimsetra Veslesetre på Heimåse, om lag 1200 m ovafor øvre Tronhussetren. På Veslesetren var dei om lag tre veker etter tida på Nysetren. Setrane var siste gong i bruk i 1965. Til Nysetren brukte dei kløvjavegen frå øvre Setren, om Veslesetre, Fakshølsetre, opp Kjerringseiga, om Øyvassetre, Gamlesetre og til Reinsjødalen.

Åmot (før Mostugu) bnr. 9

I berglende der Hølera renn ut i Begna, ligg bruket Åmot. Flaum har grave ein del både på Åmot og Bremenhølma, ei øy i Hølerun der elva deler seg og møter Begna.

Det eldste namnet var *Mostugu,* som er brukt i folketeljinga 1865, og Mostugu er framleis ofte nytta. I 1887 vart Mostugu utskild frå Tronhus med namnet Åmot. I 1921 vart fossefallet i Hølerun utskilt som bnr. 27, og makeskifta med O.M. Øvergaard på Ølmhus mot Bremenhølmin. Åmot har eit utskifta skogstykke i sameiga i Smørhøllien på ca. 100 da.

Dei fyrste me kjenner på Åmot eller i Mostugun, og rimelegvis dei fyrste her, er *Ola Sjugurdson Kyrkjebjørgeige* og *Gunhild Tåmåsdotter Tømtoeige,* sjå Sveinedokke under Langedrag. Ola var frå Moe under Kyrkjebjørgo, og hadde kan hende Mo-namnet med seg derifrå. I folketeljinga 1875 er han iallfall nemnd som «Ole Syversen Mo». Men Ola og Gunhild er også oppførte på Smedmoe i 1859 og -61. I 1865 var dei husmannsfolk med jord i Mostugun, og Ola døydde her i 1876. Ola var etter folketeljinga 1875 stampar og svarvar. Plassen var ikke stor, for i 1865 hadde dei ei ku, og sådde 1/16 tønne blandkorn og 1/4 tønne poteter.

I 1887 selde Knut Tronhus til *Ola Olson Fønnhuseige* eller *Gullberg* gm *Kari Andersdotter Eidseige,* sjå Gullberg 56/9. Ola dreiv, som Ola Sjugurdson før han, med stamping og persing av heimevove vadmål. Reiskapane hadde han i eit hus ved elva på nordsida av bustadhuset. I folketeljinga 1891 er han også oppført som fargar og blikkenslagar.

Ola Gullberg selde Åmot i 1921 til versonen *Johan Eriksen Sagstuen,* Brøtin under Gastgjevarhauge, f 1874 d 1952 g 1902 m *Tonetta Olsdotter Gullberg* f 1879 d 1944. Johan tok namnet Aamot, og var skinnfellmakar og målar. Barn:

1. Magnhild f 1903.
2. Kari f 1906 gm Anton Olson Thomasbråten, sjå Tåmåsbrøtin 52/3.
3. *Einar* f 1909, neste brukar.
4. Olga f 1913 gm Harald Olson Tronsplass, sjå Oppheim 53/33.

Einar J. Aamot f 1909 d 1972 kjøpte bruket av syskena i 1954 ved skiftet etter foreldra, gm *Inga Lien,* Knutsonlie 22/12, f 1908. Barn:

1. Tordis Marie f 1939 gm Tor Espelund, Lørenskog.
2. Jorunn Tonette f 1944 d 1971.

Tørstad bnr. 16

På flat grusjord med noko stein sør for idrettsplassen ligg Tørstad, utskild frå Tronhus i 1905. Idrettsplassen vart i sin tur utskild frå Tørstad i 1933. Stad-

namnet er gamalt, for i 1804 selde Mikkjel Arneson Eid eit stykke jord ved Tronhus sin eigedom, som lå ved «Søndre Tørstad» ovafor allfarvegen, til Erland Knutson Tronhus. I ein livaurskontrakt i 1835 heiter det at dei førre brukarane på plassen Klubbeberget skal ha livaure av plassane Berget og Tørstad. Det kan tolkast som at Tørstad har vore ein eigen plass, men ordet *plass* kan også bli brukt meir upresist om særskilde einingar.

Kjøpar i 1906 var *Gudbrand Syverson Heiebråten* f 1870 d 1963, som rydda og bygde opp bruket. Både far og mor til Gudbrand budde dei siste åra sine på Tørstad, og her budde også Anne Heiebråten f 1865 d 1963, syster til Gudbrand.

I 1956 overtok *Anders Antonson Eidsmoen* f 1898 d 1966 gm *Anne Kristoffersdotter Ingemoen* f 1901 d 1976. Anders bygde opp søre Tørstad i åra før krigen, der familien budde. På nørdre Tørstad budde Gudbrand. Barn:

1. Borghild f 1932, gift Lie, Løten og
2. Astrid, gift Røken Ødegård, Lena. Dei er eigarar frå 1976.

Tørstad blir no brukt som feriestad.

Hølt bnr. 33

Hølt på nedsida av vegen, sør for Storsveen, er nemnd som husmannsplass frå fyrste del av 1800-talet. Men namnet kan vera det me finn i kontrakten om deling av Tronhus i 1745, då det blir nemnt ein stad kalla nørdre «Feesholt».

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Ola Sveinson Tronhuseige,* Sveinedokke under Langedrag, f 1794 d 1841 på vegen mellom Ølmhus og Hølersetre, g 1822 m *Anne Arnesdotter Tronhuseige,* øvre Tronhusseterbrøtin, f 1796 d 1889. Dei er nemnde på Tronhuseige etter giftarmålet, og bustaden ved gravferda til Ola er Hølt. Barn:

1. Gunhild f 1822 g 1856 m Arne Olson Lundeeige. Dei fekk sonen Ole i nedre Setren i 1857, og reiste same år til Amerika.
2. Kristen, eller Kjersti, f 1825.
3. Beret f 1828 gm Ola Andersson Ingemoen, sjå der, til Amerika.
4. Siri f 1834 d 1834.
5. *Sjugurd* f 1835, neste husmann.

Anne Arnesdotter g 2. 1846 m *Ola Olson Sørflatseige,* Turibrøtin 27/5, f 1816 d 1886. I 1865 hadde Ola og Anne husrom på Hølt, og Ola var jordarbeidar. I 1875 heiter det at Ola livnærer seg i hovudsak ved å hogge ved og treskje, dels blir understøtta av fattigkassa.

Husmannsfolk i 1865 var *Sjugurd Olson* f 1835 og *Tora Bjørnsdotter Storsveeige,* sjå Heiebrøtin 56/6.

I 1865 hadde dei 2 kyr, 4 sauer, og sådde 1/16 tønne rug, 1/4 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 1 1/4 tønne poteter.

Kristafer Andersson Koparvike, Smedmoen 50/23, f 1830 d 1876 g 1861 m *Gjartrud Mikjelsdotter Hellandshølen,* Hellandshølen bruk A, f 1834, er nemnde på Hellandshøle til 1866, men på Tronhuseige eller Hølt frå 1872. Barn:

1. Anne f 1862, barnepike og fråverande 1875.
2. Gunhild f 1864.

3. Martin f 1866 gm Ingrid Andersdotter Ingemoen, sjå Hansebakken 69/3.
4. Andreas f 1872 gm Bertine Olsdotter Sørflate, sjå Prestbrøtin 27/9, til Amerika.
5. Olea f 1874.

I 1881 er *Anders Andersson Smedmoen* gm *Anne Sjugurdsdotter Nybrøtin,* sjå Nybrøtin 55/2, nemnde på Hølt. Dei reiste til Amerika i 1885.

Mons Gulson Steinbrøtin f 1829 d 1914 g 1858 m *Ingebjørg Olsdotter Langedragseige,* nørdre Langedragslie 51/4, f 1841 d 1927, syster til Anders Lønnum. Mons og Ingebjørg er nemnde på Lundoeige 1860, i Langedragslien 1862, i Gladhauglien 1864—66, var nokre år i Steinbrøta, og flytta i byrjinga av 1870-åra som husmannsfolk til nedre Dølvesbergatn. I slutten av 1880-åra kom dei til Hølt. Mons Gulson og sønene var dei siste husmennene på Hølt, og sønene svara for bruket med arbeid på Tronhus fram til 1927. Mons og sønene bygde ny stugu. Andreas Holt f 1892, sjå nedafor, tok med seg Høltestugu då han kjøpte Sørei i Kambabygden, og sette ho opp att der. Barn:

1. Gunvald f 1860 d 1862.
2. Gunvald f 1862 gm Bertine Kristafersdotter Åseneige, sjå Finnhert 39/24.
3. Ole Andreas f 1864.
4. Kari f 1866, til Amerika.
5. Anne f 1868 gm Erik Olson Liabekklie, sjå der. Anne og Erik budde dels på Hølt. Anne fekk i 1892 sonen Andreas, gm Gunhild Antonsdotter Køldokke, sjå Sørei 48/26, med Bernt Martin Andreasson Møllersvee.
6. Ole f 1871, til Amerika.
7. Anne Marie f 1873 gm Torkild Pederson Pighaug, sjå Solli 82/4.
8. Anton f 1875 d 1889.
9. Martin f 1878 gm Eline Halsteinsdotter, sjå Brakajordet 44/8. I 1900 fekk Martin dottera Gudrun Magna med Mathea Gudbrandsdotter Sveinedokke.
10. Gudbrand f 1880.
11. Anders f 1883 gm Anna Thorvaldsdotter Sandviken, sjå Fjelleng 44/14.
12. Andreas f 1886 d 1889.

Arne Olson Tronhus f 1885 fekk deretter Hølt med skogstykka Bergaskogen og Luvebladet då han og broren Martin delte Tronhus med plassane. I 1933 vart Hølt utskild. Arne døydde etter få år, og i 1939 selde arvingane eigedomen til Martin Tronhus. Sidan har Hølt vore brukt av hovudbølet. Innmarka er ca. 12 da.

Klubbeberget

Om lag 500 m sør for Hølt, på oversida og nokså nær riksvegen, låg plassen Klubbeberget, også omtala som *Storberget* eller berre *Berget*. Klubbeberget var ein liten plass med nokre få åkerlappar på til saman 2—3 da. Likevel er Klubbeberget mellom dei eldre plassane på Tronhuseiga. I vitneutsegna om husvære under Tronhus i 1742 er «Klubebøle» nemnd, som neppe kan vera anna enn Klubbeberget. No er innmarka tilplanta og husa rivne.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Ola Olson nedre Jukam* f 1728 gm *Be-*

ret Ivarsdotter. I 1751 fekk Ola, då kalla husmann, og kona hans bygselsetel for levetida «eller så lenge han seg oppfører fredelig», av Mikjel Mikjelson Tronhus på plassen Storberget mot 1 rd. 3 ort i årleg leige. Ola og Beret er nemnde på Tronhus til 1761, og frå 1763 på Landsenden og Landsendeige, sjå under Landsenden.

Klubbeberget må ha kome under Storsveen då Storsvee vart eigen gard. I 1772 makeskifta Mikjel Knutson på Storsveen til seg Gamlesetre av faren Knut Ellendson Tronhus mot plassen «Skoer Berget» — som nok er Storberget, og i ettertida høyrde Klubbeberget inn under hovudbølet Tronhus.

Frå om lag 1800 og i fleire tiår framover budde sersjant *Hans Olson Bagn,* nedre Bagn bruk IIa, f 1759 d 1848 gm *Anne Katarina Hansdotter Kaas* f ca. 1754 d 1840, på Klubbeberge. Dei er nemnde på Bagn og Bagnseige frå 1782 til -97, men var i 1801 på Tronhuseiga. Hans er i 1801 oppført som gardbrukar. Mogleg var leigetilhøvet for Klubbeberget eit anna enn vanlege husmannsvilkår, men på dette tidspunktet hadde han også parten Tordebrøtin som brukeleg pant. Barn som me kjenner:

1. Ola f 1786.
2. Hans Eilert f 1788 d 1788.
3. Anne Dortea f 1789 gm Eivind Andersson Ølmhuseige, sjå Eivindsplassen under Ølmhus.
4. Anne Margrete f 1791 gm Simen Olson Haugsrud, sjå Jobråtån 74/25.
5. Kari f 1794 gm Anders Mikjelson Piltingsrudeige, sjå Gamlemoen under vestre Piltingsrud.
6. *Antonette* f 1797, neste brukar.

Neste brukarar var versonen *Ola Eivindson Gladhaug,* Hølersetereige, f 1808 d 1870 g 1834 m *Antonette Hansdotter* f 1797 d 1889. Båe døydde på Klubbeberge. Ola og Antonette må ha overteke då dei gifta seg, for i 1835 fekk Hans og Anne Katarina livaurskontrakt.

Livauret, av plassane Berget og Tørstad, skulle vera røkt og stell av 2 kyr og 4 sauer, 1/2 tønne bygg, 1 1/2 tønne blandkorn, 1 skjeppe salt, 1 skjeppe rug, 2 rullar tobakk, og åkerland til å setja 6 settingar poteter.

I 1865 hadde dei 4 kyr og ungdyr, 7 sauer, og sådde 1/16 tønne rug, 1/2 tønne bygg, 1 1/4 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

Husmannsfolk i 1875 var *Ola Olson Tronhuseige,* Skreddarbrøtin under øvre Tronhussetren, f 1841 g 1869 m *Anne Bjørnsdotter Storsveeige,* Storsvelykkja, f ca. 1843. Dei var husmannsfolk også i 1900, og skal ha vore dei siste husmannsfolka på Klubbeberge. I 1889 fekk Ola og Anne kontrakt på plassen Berget, Tørstad og setra Dytthøl. I 1907 vart Dytthøl utskild frå Tronhus som bnr. 17, og seld til Hans I. Hansebråten. Barn:

1. Ole f 1870, heime i 1900.
2. Martin f 1871 fekk i 1901 dottera Oleanna med Ingrid Olsdotter Skarabrøtin eller Liabekklie.
3. Anton f 1875 g 1899 m Johanne Ludvigsdotter London, dotter til jordarbeidar Ludvig Karlsen, f ca. 1877. Dei fekk dottera Anne i 1899, og hadde i 1900 husrom på Klubbeberge. Anton var då skomakar.

Harald Gudbrandson Hagen, Ølmhushagin 53/18,21, f 1889 d 1926 g 1923 m *Olea Olsdotter Sørlie,* nørdre Sørli 90/14, f 1891 d 1943. Dei budde på Klubbeberge. Barn:

Aslaug f 1923 gm Øystein Hovda, Øystre Slidre.

Jamsis

Litt sør for Storsvelykkjun låg Jamsis, som høyrde under Tronhus. Namnet må koma av at plassen låg *jamsides,* side om side, med allfarvegen. Eit kart frå 1839 syner at det var tilfelle. I ein kontrakt om makeskifte mellom Tronhus og Storsvee i 1850 heiter det at Jamsis ligg på den søre sida av vegen, og innafor Storsveeiga. Knut Olson Tronhus overdrog då ein inngjerda åker av plassen Jamsis til Storsvee. På dette tidspunktet var Jamsis nedlagd, og er ikkje nemnd som plass seinare.

På Jamsis kjenner me berre ein familie, *Ellend Olson Tronhuseige,* Langbrøtin under Storsveen, f 1748 d 1810 g 1774 m *Astrid Amundsdotter Kvål* f 1745 d 1810. I 1794 var Ellend vitne for Ellend Knutson Tronhus i ei sak om ulovleg åvirke i Tronhusskogen. I 1811—12 var det skifte etter Ellend og Astrid på plassen «Jemsis». Bruttoeiga var 73 rd., men gjelda større, 90 rd. Dei avlidne eig rydnings- og bygningsarbeidet, som etter taksten tyder på at plassen er oppbygd av denne familien. Jamsis med «dennes påstående ubetydelige hus og gjerder, såvelsom rydningsarbeidet», vart taksert til 50 rd. Verdien av lausøyret var då ikkje meir enn 23 rd. Barn:

1. Ola f 1775 gm Kari Mikjelsdotter Eid f 1786. I 1809 fekk dei dottera Anne. Ved skiftet er opplyst at Ola bur på ein plass under garden Haug her i prestegjeldet.
2. Marit f 1778 gm Hallvor Arneson Torsrud, sjå Torsrudlykkja.
3. Gunhild f 1779, i 1811 tenestejente på Piltingsrud.
4. Mikjel f 1783, i 1811 tenestegut på Bagn.

Storsvee bnr. 11

På flata 500 m søraust for Tronhus ligg Storsvee, i daglegtale Svee. I vitneprov i 1742 blir *Svee* nemnd som eit av husværa under Tronhus, og dette namnet er også brukt ved synfaringa i 1771, sjå nedafor. Førelekken *Stor-* er seinare nytta for å skilja mellom Svee og plassen Veslesvee, i kjeldene omtala som «Lillesveen». Veslesvee var eige bruk ei stutt tid, og lagt inn under Storsveen kort etter 1800.

I 1742 var Storsvee venteleg ein temmeleg ny bustad. I 1732 overlet Erik Arneson Tronhus ein son og ein verson kvar sin halvdel av Tronhus. Storsvee høyrde opphavleg inn under den søre halvdelen, som versonen Knut Ellendson må ha fått. På denne søre halvdelen kom etter nokre år ein brukar til, Ola Arneson. Ved skyldsetjinga i 1744 er Ola Arneson nemnd som brukar her saman med Knut, og kvar brukte like mykje — 1 skinn. Ola må ha gjort ei avtale med Knut om deling, og kan allereie ha vore brukar nokre år, sjå nedafor. Ved delinga av Tronhus i 1745 vart også grensa mellom partane til Knut og Ola fastsett, sjå den førnemnde delingskontrakten. Knut Ellendson

fekk Tronhus, og Ola Arneson det som vart Storsvee. I juli 1745, dagen før delekontrakten vart skriven, fekk Ola 1 skinn i Tronhus som brukeleg pant av Knut Ellendson for eit lån på 312 rd. Ordlyden tyder på at eit nytt brukstilhøve blir inngått, men som nemnt var Ola Arneson på Tronhus også i 1744.

Ola Arneson Fønnhus gm *Ingebjørg Gudbrandsdotter Steinsrud* er nemnde på Tronhus (Fønnhus?) i 1736 og -39. I 1742 er Seter oppgjeven som bustad. I åra etter er Ola kalla både Steinsrud og Tronhus, men ser under alle omstende ut til å vera den fyrste kjende brukar av Storsvee. I 1750 kjøpte Ola halve Steinsrud og overtok seinare resten, sjå Steinsrud om Ola og Ingebjørg.

I 1750 selde Knut Ellendson heile parten sin eller halve Tronhus, av skyld 2 skinn 3 lispund tunge, som også omfatta Storsvee, for 740 rd. til soldat *Mikjel Mikjelson Langøydgarden* g 1751 m *Marit Sjugurdsdotter Bagn* eller Bagnsøydgarden. Mikjel kjøpte Bagnsøydgarden i 1753, sjå nedre Bagn bruk IV. Mikjel selde halvdelen, Tronhus bnr. 8, til Knut i februar 1752 for 370 rd., og heldt sjølv att Storsvee. Samstundes med salet i 1752 sette dei opp ein kontrakt om delet mellom gardane i heimskogen. Mikjel skulle eige på den søre sida og Knut på den nørdre.

I oktober 1752 selde Mikjel Mikjelson Storsvee til *Kristafer Olson Bagn* gm *Gunhild Mikjelsdotter Langøydgarden,* sjå nedre Bagn bruk IV.

Kristafer Olson selde i 1760 for 280 rd. til son til Knut Ellendson, Mikjel Knutson, og kjøpte same år Hansebrøtin.

Mikjel Knutson Tronhus, Tronhus 54/8, f 1734 d 1809 g 1760 m *Lisbet Kristensdotter Bagn,* dotter til landhandlaren i Kræmarlykkjun. Lisbet er etter gravferda i 1809 71 år, men 58 år i folketeljinga 1801. Mikjel Knutson åtte seinare Veslesvee, og i 1801 er dei oppførte som husmannsfolk. Barn:

1. Kristen f 1761.
2. Knut f 1762.
3. Knut f 1765 gm Anne Olsdotter Bagn, sjå Bagnslie under Bagn.
4. Erik f 1767.
5. Gunhild f 1770.
6. Mikjel f 1776.
7. Anne f 1778 gm Kristafer Sjugurdson Langøydgarden, sjå Tåmåsbrøtin under Tømto.
8. Ola f 1783.

Mikjel Knutson makta ikkje å halde lenge på Storsvee, og sette han i oktober 1770 bort som brukeleg pant i 18 år til *Arne Mikjelson Eid.* Året før hadde Mikjel pantsett enga Langøye, sjå eige avsnitt, som brukeleg pant i 27 år til Arne Eid. I 1773 overdrog Arne Mikjelson Storsvee til stesonen *Ola Jonson* for 320 rd.

I juli 1771 vart Storsvee — plassen Svee — synfart og taksert etter krav frå Arne Eid, slik at han kunne få erstatning for forbetringar når panteåra utløp. Mikjel Knutson påla Arne, med tanke på å halde innløysingssummen nede, ikkje å gjera fleire forbetringar enn det var behov for. Ikkje naudsynlege påkostnader måtte Arne ikkje vente å få erstatta. Etter synfaringa å døme, der forfallet spring ein i augo, kunne nok Mikjel ha stilt større krav til seg sjølv.

Desse husa er nemnde: 1. Stugubygningen hadde ei stugu med peis og fem små vindaugo samt ein liten kove med rotne

vegger og tak. 2. Låven var roten på vegger og tak og heilt ubrukeleg. 3. Eit fjøs, dårleg både med omsyn til tak, vegger og innreiing. 4. Eit stabbur, ganske rote og utan tak, taksert som ved. 5. Eit anna stabbur med vegger i god stand, men dårleg tak. 6. Ei bu med loft over, veggene var brukbare, men taket dårleg. 7. Ein ikkje brukeleg vedskåle, taksert som ved. 8. Ein stall med trev over, veggene nokolunde i orden, men taket udugeleg. 9. Ei gamal smiu utan tak. Enga var ganske overgrodd og låg for fefot, og ville koste minst 5 rd. å få i hevd att.

I 1787, året før pantetida var ute, fann Mikjel at han ikkje kunne innløyse pantet, og selde Storsvee til Arne Mikjelson Eid for 586 rd. For det Mikjel hadde teke unna i 1770, iallfall plassen Veslesvee, skulle han svara 1 rd. til hjelp i skattar og avgifter.

I 1798 selde *Mikjel Arneson Eid,* som hadde overteke Eid etter faren, Storsvee m.m. til sonen *Hallstein Mikjelson* f 1782 for 495 rd. Hallstein var då så ung at han neppe kom til Storsvee.

I 1801 selde Hallstein Mikjelson til *Hallstein Hallsteinson Rustebakke.* Bror til Hallstein Mikjelson, Arne Mikkjelson Eid, selde samstundes plassen Veslesvee under Storsveen til Hallstein Hallsteinson. Samla salssum for båe eigedomane var 1299 rd. Arne Mikjelson, soneson til tidlegare nemnde Arne Mikjelson Eid, hadde kjøpt Veslesvee i 1793 av Mikjel Knutson.

I 1804 ferda Arne Mikjelson ut eit nytt skøyte på Veslesvee av di skøytet i 1801 var sett opp og underskrive utan at han visste om det. Tvisten som hadde oppstått om salet, var no avslutta. Prisen er oppgjeven til 699 rd.

Hallstein Hallsteinson Rustebakke f 1771 g 1798 m *Ragnhild Gudbrandsdotter Strømmen* f 1781 d 1826. Dei er nemnde på Øyhus i 1799. Barn:

1. *Hallstein* f 1799, neste eigar, gm Guri Olsdotter Leikebakke, sjå der.
2. Anne f 1801 gm Hans Ivarson Grimsrudeige, sjå Hansebrøtin 54/7.
3. Gudbrand f 1803 d 1803.
4. Gudbrand f 1804.
5. Tøren f 1806.
6. Ola f 1810 gm Kari Kristafersdotter Eid, sjå Leikebakke.
7. Lars f 1813 d 1817.
8. Siri f 1815 d 1826.
9. Kari f 1820.
10. Lars f 1823 d 1823.
11. Ragnhild f 1825.

I 1806 selde Hallstein Hallsteinson parten sin i Gamlesetren, skyldsett i 1811, til Svein Olson nedre Tronhussetre for 110 rd.

I 1807 selde Hallstein Hallsteinson Storsvee til *Sjugurd Olson Ølmhus* for 1000 rd. for å løyse økonomiske vanskar. Hallstein skulle ha rett til å bruke garden i ti år og løysingsrett etter brukstida. I 1815 vart summen omskriven til 950 rbd., som vart betalt til Sjugurd Ølmhus i 1816, før den fastsette fristen. I 1820 fekk Hallstein skøyte av Sjugurd Ølmhus for 100 spd.

Ved skiftet etter Ragnhild Gudbrandsdotter i 1826 vart Storsvee utlagd til eldste sonen *Hallstein Hallsteinson* f 1799.

Hallstein Hallsteinson d.y. selde i 1828 for 700 spd. til *Embrek Håvårdson Langøydgarden* — «Øske-Embrek» — gm *Ingrid Olsdotter Stavadalen,* sjå nørdre Langøydgarden

Ola Embrekson Langøydgarden f 1826, son til «Øske-Embrek». Ola fekk skøyte på Storsvee om lag 1850.



Anne Maria Olsdotter Storsvee f Ølmhus 1827.

41/3. I 1829 vart oppsett kontrakt om livaure mellom Embrek og Hallstein Hallsteinson Storsvee d.e.

Embrek Håvårdson hadde i 1820 kjøpt setra Reinsjødalen under Garthus av Hallstein Amundson Garthus for 100 spd. I 1834 kjøpte han for 200 spd. bruket Langbrøtin, som sidan har høyrt inn under Storsveen, og i 1845 bytte han seter med Kristafer Larsson Steinsetre. Embrek overtok setra Reinsjødalen og Kristafer Liasetre under Langbrøta.

I 1848 selde Embrek Håvårdson Storsvee med Langbrøtin til sonen Ola for 500 spd. Med i salet var lausøyret, der 2 pottoskepanner, 1 kakkelomn i tre høgder, 2 skåp og våronnreiskap blir særskild nemnde. I 1852 fekk Ola skøyte på setra i Reinsjødale for 100 spd. I 1850 gjorde Ola Embrekson eit makeskifte med Tronhus, sjå der.

Ola Embrekson Storsvee f 1826 d 1919 g 1848 m *Anne Maria Olsdotter Ølmhus* f 1827 d 1899. I 1873 kjøpte Ola nørdre Hellandshølen, og er oppført som gardbrukar der i 1891. Barn:

1. *Engebret* f 1849, neste brukar.
2. Ole f 1851 gm Oline Håkensdotter Åmsrud, kjøpte Åsen i 1894, sjå der.

Anne Maria Olsdotter f Ølmhus 1827 og Ola Embrekson Langøydgarden, seinare Storsvee, f 1826 med barneflokken. Bakre rekkje frå venstre: Gunhild, Anne, Ole, Engebret og Anton. Foran: Karine, Olava, Ola, Anne Maria, Ingrid og Siri. Dottera Inger var allereie gift med Ole Hafton, og manglar her.

3. Inger f 1853 g 1. m Ole Olson Hafton, sjå der, g 2. m Engebret Olson Storøydgarden, sjå Haugen 40/2.
4. Karine f 1855 gm Ole Knutson Tronhus.
5. Anton f 1857 d 1944.
6. Gunhild f 1859 gm Mikkel Kristofferson Eid, sjå Rustebakke.
7. Anne f 1862 gm Ole Knutson Hande, Vardal.
8. Siri f 1864 d 1920.
9. Olave f 1867 gm landhandlar Arne Mikkelson Fønhus, sjå Lundby 54/15.
10. Ingrid f 1870 d 1943.

I 1876 fekk ei Kristine Olsdotter Storsvee dottera Olava med Ole Andreasson Bjørgoeige. I 1877 reiste Kristine, då kalla Mo, med Olava til Amerika.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 20 mål mager dyrka åker og eng, 53 mål magert slåtteland, frå setrar og utmark kom 22 skippund høy, hamninga var ikkje tilstrekkeleg, 2 tylfter grantømmer kunne hoggast, dei lauva 1500 kjerv, og garden var nokolunde lettbrukt. I 1865 hadde dei 3 hestar, 10 naut, 20 sauer, 13 geiter, 1 gris, og sådde 1/4 tønne rug, 1 1/4 tønne bygg, 6 tønner blandkorn, 1 1/4 tønne havre, 1/4 tønne erter og 7 1/2 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med steintak. 2. Ein nyoppført stugubygning med steintak. 3. Eit stabbur med steintak. 4. Ein låve med steintak. 5. Ein stall med bordtak. 6. Eit fjøs med bordtak. 7. Eit småkrøterhus med vognskjul, har steintak.

Engebret Olson Storsvee, f 1849 d 1926, eigar frå 1885, g 1883 m *Mathea Olsdotter Hestkinn,* Etnedal, f 1859 d 1950. Barn:

1. Anne Marie f 1884 d 1972.
2. *Ole* f 1887, neste brukar.
3. Olaf f 1889 d liten.
4. *Karen Mathea* f 1890, eigar etter broren Ole, gm lærar Nikolai Skau, Ringsaker.
5. Olave f 1892 d 1970.
6. Olaf f 1895 d 1932 gm Lise Hole, Tingelstad, Hadeland. Dei bygde forretningsgard på Fagernes og dreiv forretning der. Sonen *Engebret* f 1921 har vore ein av eigarane etter 1973.
7. *Einar* f 1897, eigar etter broren Ole.
8. Sigrid f 1901 d 1935.

Ole Engebretson Storsveen f 1887 brukte Storsvee til han døydde i 1972. Frå 1973 var syskena *Karen Mathea,* Brumundal, og *Einar* på Storsveen eigarar saman med nevøen *Engebret Storsveen,* Fagernes. Einar løyste deretter ut dei andre.

Storsvee har 60—70 da. dyrka jord på sandjord og mold, vurdert som mager av matrikkelkommisjonen i 1866. Iallfall noko av årsaka er storflaumen i 1860, som raserte den beste åkeren, *Storåker'n.* Våronna var nettopp gjort og åkeren tilsådd då vatnet kom og skylde vekk all matjorda. Ulykka sette Storsvee svært tilbake som jordbrukseigedom. Av den produktive skogen på ca. 1000 da. er ca. 300 da. heimskog og resten høgtliggjande åsskog. I tillegg kjem 300 da. anna utmark. Oppe i heimskogen ligg nokre gamle åkrar eller utslåttar: *Rundebrøtin, Dokkeslette* og *Åker'n.*

Husa er gamle. Hovudbygningen er frå 1849. Stabburet i to høgder har loft og klokketårn med matklokke støypt på Toten i 1872, kosta av Ole Storsvee. Eldhuset like ved elvestranda vart sannsynlegvis brukt av «Øske-Embrek» til pottoskekoking. Råstoffet var lauvtreoske utluta i store gryter eller panner. I eldhuset er innmura ei slik stor panne. Dei andre husa er låve, vognskjul med sauehus, skåle og stall, fjøs, kårbygning og smiu. Badstugu er riven.

Ved makeskiftet mellom Tronhus og Storsvee i 1850, sjå Tronhus, fekk Tronhus den eldste setra til Storsvee, Sveasetra, nørdst i Reinsjødale. Sidan har garden hatt ei anna seter i Reinsjødale, lengst sør i seterlaget. Denne setra var opphavleg to vollar, rimelegvis frå kjøpet frå Garthus i 1820 og makeskiftet med Steinsetre i 1845. Heimsetra Bakkin har også vore kalla *Svartbakkin.* Ei eldre heimseter var Køllin, ein halv times veg å gå frå Bakka. Butomta på Kølla ligg oppe på ei lita høgd med storfelt utsikt nord- og austover. Setervegen tok opp ved Lundby, gjekk gjennom Seterbygde og opp dei hengjebratte Reistebakkatn opp på Heimåse. På setra i Reinsjødale tok drifta slutt i 1965.

I brukartida til Ola Embrekson f 1826 var det handel på Storsveen. Butikken heldt til i det søre kammerset i andre høgda i bygningen. Det var sonen Engebret f 1849 som førestod forretninga og greidde med rekneskapsføringa. Ola Embrekson hadde også skysstasjon, sjå bilettekst, Hølera.

Kring 1907 fekk dei separator, ein «Globus». Mathea hadde ivra sterkt for denne nye reiskapen, men Engebret heldt att i lengste laget. På bondens eige arbeidsfelt var det annleis. Den to hestars slåmaskina

på Storsveen av merket «Milwaukee» var av dei fyrste som kom til bygda, og vekte stor oppsikt. Engebret var på nabogarden for å demonstrere ho. Fleire hadde møtt opp og begeistringa var stor. Ein heimelaga treskjemaskin av solid treverk, framleis på garden, vart trekt av to hestar frå køyregangen utanfor låven. Tronhus og Storsvee hadde ein kornreinsemaskin saman.

Veslesvee

Veslesvee ligg ca. 600 m søraust for tunet på Storsveen, og grensar mot Begna. Då *Mikjel Knutson* i 1770 pantsette Storsvee, sjå der, heldt han att plassen *Veslesvee* med noko meir.

I 1787 selde Mikjel Veslesvee og halve Gamlesetre til broren *Ellend Knutson* på Tronhus for 143 rd. Mikjel og kona Lisbet Kristensdotter ser framleis ut til å ha budd på Veslesveen.

I 1798 selde Mikjel Veslesvee for 195 rd. til *Arne Mikjelson Eid,* som åtte Storsvee, og Veslesvee har sidan høyrt til Storsvee. Mikjel ville framleis bruke plassen mot 6 rd. i årleg avgift. I 1809 døydde Mikjel og Lisbet, venteleg på Veslesveen ettersom båe då var kalla Tronhuseige. Deretter er det ikkje nemnt folk her. Tufter syner enno.

Langbrøtin

Vest for vegen, om lag på motsett side av Hølt, låg bruket Langbrøtin, som åkernamnet *Langbrøtin* er eit minne om. Langbrøtin høyrer no til Storsvee, som den opphavleg var plass under.

I 1748 kom Ola Vilhelmson og kona Gunhild Ellendsdotter hit og tok til å rydde og byggje opp plassen. Det går fram av skøytet i 1764, sjå nedafor. Gunhild var frå Tronhus, så det var bror hennar, Knut Ellendson Tronhus, som let dei få staden å bu på. I 1751 ferda Mikjel Mikjelson, som då åtte Tronhus, ut bygselsetel til Ola og Gunhild. Som før skulle dei svara 4 rd. i leige for året.

Ola Vilhelmson Storøydgarden, Leikebakke, f 1716 g 1740 m og *Gunhild Ellendsdotter Tronhus,* f 1717 d 1803. Dei budde ein stad på Storøydgardseiga før dei kom til Langbrøtin. I 1801 var båe livaursfolk i Langbrøta. Barn:

1. Ivar f 1741, mogleg gm Kari Arnesdotter Skarasetre, sjå Fønnhuseige.
2. Ingebjørg f 1744 d 1760.
3. Gudbjørg f 1746 gm Knut Tåmåsson Åseneige, sjå Høvda under Åse.
4. Ellend f 1748 gm Astrid Amundsdotter Kvål, sjå Jamsis under Tronhus.
5. Gunhild f 1753 d 1772, drukna saman med to andre.
6. Ola f 1755 gm Ingrid Bjørnsdotter, sjå Tronhuseige.
7. Mikjel f 1759.

I 1756 selde eigaren, Kristafer Olson på Storsveen, Langbrøtin til *Anders Arneson Bagn* på øvre Storøydgarde for 80 rd. Anders selde i 1764 til husmannen *Ola Vilhelmson* og familien hans for same sum, og viste til at Gunhild hadde odelsrett. Til hovudbølet — Storsvee — skulle årleg svarast 12 skill. til hjelp i skattane.

Men kort etter må *Mikjel Knutson* på Storsveen ha kjøpt Langbrøtin, for i 1766 vart det sett opp ein kontrakt mellom han og Ola Vilhelmson. Ola og Gunhild skulle ha plassen for levetida si, og svara årleg til Mikjel 4 rd. samt 1 rd. i arbeid. Eit lite slette, «Fæsholdt», ville Mikjel sjølv bruke.

Fjorten dagar før St. Hans 1780 ramma ei stor ulykke familien i Langbrøta. På tinget i juli 1780 fortalde Ola Vilhelmson og Ola, son hans, at om natta medan dei sov hadde ein skogbrann sett eld på husa. Seks hus brann opp: To fjøs, eit småkrøterhus, ein låve, eit stabbur og ei lyu, med alt dei hadde der. 11 naut, 26 småkrøter, alle gangkleda og sengekleda deira, kornvarer og øvrige ting strauk med. Med konene sine var dei sette i «de ynkverdigste omstendigheter», og så seg nøydde til å søkje hjelp hjå øverheita og andre medlidande. Ola Mikjelson Fønnhus og Guttorm Larsson Garthus vitna om saka, og lagretten stadfesta.

I 1798 var *Mikjel Arneson Eid* eigar, og selde Langbrøtin for 250 rd. til versonen Lars Olson. Etter faren hadde Mikjel Eid overteke Storsvee. Mikjel må ha kjøpt Langbrøtin før februar 1788, for då fekk han skøyte for 10 rd. av Mikjel Knutson på Veslesveen på innløysingsretten til Langbrøtin med skogen som høyrde bruket til.

Lars Olson Steinsetre, Kyrkjebjørgo, f 1768 d 1841 g 1796 m *Siri Mikjelsdotter Eid* f 1778 d 1817. Både døydde i Langbrøta. Ved skiftet etter Siri i 1817 var bruttoeiga 257 spd. og nettoeiga 50 spd. Siri og Lars hadde ti barn, av dei var berre tre i live i 1817:

1. Marit f 1796 d 1797.
2. Kari f 1798 gm Ola Olson Fønnhuseige, sjå Piggemoen under nørdre Fønnhus. Kari fekk i 1824 sonen Lars d 1824 med Lars Larsson Garthushaugen, og i 1827 dottera Lisbet med Ola Larsson Hansebrøtin. Lisbet gifta seg med Gunnar Olson Lundehalle, sjå Ivarsbrøtin 55/4.
3. Marit f 1800 d 1809.
4. Ola f 1802 gm Marit Sjugurdsdotter Dølve, sjå Lindokke under Steinsetren. Ola fekk i 1825 dottera Marit, gm Sjugurd Hallvorson Milevatnet, sjå Skarabrøtin under Skaro, med Tora Gudbrandsdotter Åsen.
5. Marit f 1806 d 1809.
6. Mikjel f 1808 d 1809.
7. Marit f 1811 d 1811.
8. Mikjel f 1812 d 1813.
9. Marit f 1813 d liten.
10. Mikjel f 1815 g 1. m Gunhild Olsdotter Sørflatseige, g 2. m Ingrid Arnesdotter Høgloft, sjå båe gonger Hansebrøtahaugen.

I 1834 selde Lars Olson Langbrøtin for 200 spd. til *Embrek Håvårdson Storsvee.* Lars skulle ha livaure. Sidan har Langbrøtin høyrt til Storsvee, og er ikkje nemnd som bustad meir.

Storsvelykkja

På oversida av vegen sør for Storsveen, nord for plassen Jamsis, låg Storsvelykkja, eller berre Lykkja.

Ola Sjugurdson Sørumeige gm *Gunhild Eivindsdotter Åseneige,* sjå Djupedalen under Sørum, kan ha budd her. Dei er nemnde på Storsveen i 1835 og -38. Ola åtte Gladhaug 1838—39.

Dei fyrste husmannsfolka me med visse kjenner, er *Bjørn Bjørnson Ølmhuseige,* Oppheim 53/33, f 1799 d 1871 i Lykkjun g 1827 m *Gunhild Arnesdotter Dølve,* øvre Dølve, f 1802 d 1888 på Storsveeige. Dei var ein stad på Lundoeiga 1828—38, og er nemnde på Storsveen frå 1841. I 1851 fekk Bjørn og Gunhild husmannskontrakt av Ola Embrekson Storsvee:

Leiga på 5 spd. skulle svarast med arbeid ved å slå i 15 dagar, skjera 5 mål åker, arbeide 12 dagar i våronna, 6 dagar om hausten, og så mykje som 26 dagar om vinteren. Dessutan skulle Bjørn kvart år fø ei kvige eller ein kalv. Plassfolka skulle ha nokre rettar i utmarka og *Låveåker'n* i Langbrøta til Hallstein Storsvee var død. Då skulle åkeren leverast til Storsvee mot at dei fekk noko jord att. Når Bjørn og Gunhild vart så gamle at dei ikkje var i stand til å arbeide på garden, skulle dei skaffe ein dugande kar i staden for seg.

Barn til Bjørn og Gunhild:

1. Anne f 1828 gm Erik Olson Ølmhuseige, sjå Oppheim 53/33.
2. Arne f 1830.
3. Tora f 1833 gm Sjugurd Olson Tronhuseige, sjå Heiebrøtin 56/6.
4. Kari f 1835 gm Andreas Olson Tronhus, sjå Nord-Grøv 84/8.
5. Marit f 1838 gm Ola Olson Braka, sjå under Fekjar.
6. Beret f 1841 gm Ola Olson Skarshaugen, sjå Trettebrøtin 57/8.
7. Anne f ca. 1843 gm Ola Olson Tronhuseige, sjå Klubbeberget under Tronhus.
8. *Bjørn* f 1846 gm *Ingebjørg Larsdotter Klauvstad,* husmannsfolk 1875, sjå Sveinsbrøtin under Åse.

I 1847 fekk ein Gudbrand Arneson Storsvee dottera Tora med Kari Olsdotter Massingmoen. Tora g 1. m Anders Haraldson Åsen, sjå Moen 55/7, g 2. m Lars Gunnarson Ivarsbrøtin, sjå Hauglund under øvre Tronhussetren. Gudbrand er mogleg identisk med Gudbrand Arneson Dølve f 1810, bror til Gunhild Arnesdotter i Lykkjun.

I 1865 hadde Bjørn og Gunhild 3 naut, 6 sauer, og sådde 1/16 tønne rug, 1/4 tønne bygg, 1 tønne blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

I 1879 og -82 er *Hallvor Arneson Torsrudlykkja* og *Åse Pedersdotter Tamburgarden* nemnde i Storsvelykkjun, sjå Bagnsberget.

Gunvald Monsson Dølvesbergatn gm *Bertine Kristoffersdotter Åseneige* er nemnde i Lykkjun 1884—91, sjå Finnhert 39/24.

Dei siste husmannsfolka, *Ole Syverson Tronhuseige* gm *Olea Håvelsdotter Braka,* var i Lykkjun ved folketeljinga 1891. Før hadde dei budd fleire stader. Noko etter 1900 flytta dei frå Lykkjun til Heiebrøtin under Fønnhus, sjå der.

Langøye

På vestsida av Begna, rett ned for Tørstad, ligg Langøye, eit slåtteland som frå gamalt høyrde til Tronhus. Langøye er nærast ei halvøy. Å hauste graset her var ettertrakta. Difor kom Langøye på handel, og det var ikkje små summar som vart betalt. Etter delinga av Tronhus i 1740-åra vart Langøye rekna under Storsveen.

Det fyrste me veit er at *Ellend Mikjelson,* som brukte Tronhus til kring 1720, pantsette Langøye til *Ola Arneson Fønnhus* for 40 rd. I 1725 løyste *Erik Arneson Tronhus,* ettermannen til Ellend Mikjelson, inn slåtten frå Ola Fønnhus.

I 1754 selde *Kristafer Olson* på Storsveen enga Langøye med ei anna lita øy til *Arne Mikjelson Eid* for 105 rd. Etter salet, i 1756, fekk Kristafer odelsskøyte på Langøye for 10 rd. av Ellend Mikjelson Tronhus.

Arne Mikjelson Eid selde Langøye til *Knut Ellendson Tronhus* for 107 rd. i januar 1763. I februar same månad

pantsette Knut til *Arne Eid* i 21 år for eit lån på 142 rd. Arne fekk ta virke i Tronhusskoge til skigard og til å laga demning mot elva. Forbetringar skulle erstattast når panteåra var gått.

I april 1769 er Arne Eid eigar, og sel Langøye til *Mikjel Knutson* på Storsveen for 200 rd. I desember same år pantsette Mikjel eigedomen som brukeleg pant i 27 år til *Arne Mikjelson Eid* for eit lån på 246 rd.

I 1802 var *Arne Mikjelson Eid* eigar, og selde for 345 rd. til *Mikjel Arneson Fønnhus.* I 1805 er ferda ut eit nytt skøyte til Mikjel Arneson Fønnhus, no med salssummen 599 rd.

Ved delinga på Fønnhus i 1851 vart Langøye delt mellom nørdre og søre Fønnhus, slik at nørdre Fønnhus fekk den søre og søre Fønnhus den nørdre delen. Den halvparten nørdre Fønnhus åtte, vart seld til forfattaren Mikkjel Fønnhus i 1921.

Hansebrøtin bnr. 7

Hansebrøtin 425 m o.h. oppe i lia sør for Tronhus og vest for Tronhusknatte, er den eldste av plassane under Tronhus.

Rydningsmannen var nok *Hans Hansson,* som var fødd i åra kring 1660. Etter han fekk plassen namn. Hans må vera identisk med den Hans Hansson som brukte Eid til han vart frådømd garden i 1698, og tok vel til i Hansebrøta like etter, sjå også Eid. Ved barnefødslar er Hans oppført i kyrkjeboka som Hans Tronhus i 1702 og -11, men som Hans Eid i 1699, 1705 og -08. I saka om delet mellom Tronhus og sameiga i 1730 fortel Hans Hansson, no husmann på Sparkevik, at han for 25 år sidan var husmann på Tronhus. Hans Hansson Dølve, omtala i 1742, må vera same mannen. I 1719 er Pål Håvårdson nemnd som svoger. Pål døydde på Sparkevik i 1740, 66 år gamal. Kona til Pål heitte Siri Hansdotter, og var vel då syster til Hans. I 1698 er opplyst at kona til Hans Hansson Eid heitte Ingrid Pålsdotter. Barn til Hans Hansson som me kjenner:

1. Anne d 1697, 4 år gamal.
2. Kari d 1697, 1 år gamal.
3. Anne f 1699.
4. Kari f 1702 g 1. m Arne Erikson Tronhus, sjå Klauvstad, dei flytta seinare til Li i Hedalen. G g 2. m Ola Bjørnson Skanes, Ringerike. Kari var i 1783 på Nerby.
5. Ingrid f 1705 d 1737 på Tronhus. Ho er kan hende den Ingrid Hansdotter Eid som i 1728 fekk sonen Hans med Ola Mikjelson Piltingsrud. Hans gm Beret Eriksdotter Piltingsrud, sjå under Grimsrud.
6. Ingebjørg f 1708 fekk i 1729 sonen Nils utafor ekteskap, og måtte stå til rette for det, sjå nedafor.
7. Beret f 1711.
8. Hans. I 1715 kalla Hans Hansson Sørum, og kravde løysingsrett til Eid.

I mars 1718 avtala Hans Hansson og Ellend Mikjelson Tronhus at Hans skulle bruke Hansebrøtin inntil plassen vart innløyst av barna til Ellend. Hans betalde 50 rd., som han skulle ha att ved innløysinga, i tillegg til 40 rd. for forbetringar. Hans stemna Ellend for at sistnemnde ikkje ville underskrive avtala, og fekk stadfesta kontrakten etter vitneprov.

I 1725 overdrog Hans «det husvære kalt Hansebråten» til etterfylgjaren på

Tronhus, Erik Arneson. Rett nok hadde Ellend gjeve Erik rett til å løyse inn partar som var bortsette frå Tronhus, men det var ikkje friviljug at Hans forlet Hansebrøta. Hans vart driven frå plassen, fortel dottera Ingebjørg bittert i 1729. Erik Arneson Tronhus innsette deretter sonen *Arne Erikson* gm *Kari Hansdotter,* dotter til Hans, i Hansebrøta.

Kven er far til barnet du ventar? Spørsmålet var retta til Ingebjørg Hansdotter på tinget 15. januar 1729. Ingebjørg hadde tidlegare oppgjeve verbroren Arne Erikson Tronhus, og heldt fast ved forklaringa. Ho tente sjølv på Tronhus i 1728. Om den økonomiske tilstanden hennar, med tanke på bota, vart opplyst at Ingebjørg «alldeles ikke er det ringeste eiende, ja, ikke engang klærne på kroppen, såsom hun er en fattig husmannsdatter.» Saka vart utsett til neste ting, både for nærare undersøkjing etter barselen og fordi Arne ikkje hadde møtt.

Ved ny handsaming i mars fråfall Ingebjørg den førre utsegna. Barnefaren var derimot ein soldat frå Kristiania som heitte Anders, og som reiste og selde brennevin. Han hadde vore saman med henne to gonger på Tronhus ved sumarmålstid — 14. april, då han reiste opp til Valdres og om lag åtte dagar seinare då han reiste ut. Men kvifor hadde ho fyrst utpeika verbroren Arne Erikson? Det var hat til Arne som låg bak, sa Ingebjørg, fordi far til Arne, Erik Arneson Tronhus, hadde drive far hennar frå Hansebrøta og deretter innsett sonen på plassen. Far hennar sanna denne opplysninga.

Retten godtok det siste Ingebjørg fortalde om barnefaren, etter di det ikkje var mogleg å få noko anna prov. Arne Erikson fekk høve til å reise tiltale mot henne for skuldinga. Dinest måtte Ingebjørg straffast, etter tidas rettsoppfatning av di ho «har latt seg beligge». 12 lodd sylv skulle ho betala, innan ein halv månad. I mangel av betaling vart det straff på kroppen med gapestokk.

Arne Erikson Tronhus gm *Kari Hansdotter Hansebrøtin* budde mogleg i Hansebrøta til Arne i 1739 fekk kjøpe Klauvstad av faren, sjå Klauvstad om dei.

Ved forliket mellom *Ellend Mikjelson,* før på Tronhus, og Erik Arneson Tronhus i oktober 1742 vart det fastsett at Ellend og kona *Gudbjørg Knutsdotter* skulle få bruke Hansebrøtin i levetida si, sjå Tronhus om dei.

I 1760 selde Knut Ellendson og sønene Erik og Mikjel Knutssøner, alle på den søre delen av Tronhus, Hansebrøtin med Stabbursbrøtin og Liasetre for 175 rd. til *Kristafer Olson Tronhus* gm *Gunhild Mikjelsdotter,* sjå nedre Bagn bruk IV. Kristafer hadde då ei tid åtte Storsvee. I 1763 inngjekk Erik Knutson Tronhus på bnr. 8b, som kjende seg som odelsmann til Hansebrøtin, ein kontrakt med Kristafer Olson. Kristafer skulle ha Hansebrøtin så lenge han levde, og Gunhild etterpå om ho overlevde han. Når den eine av ektefellane døydde, skulle Erik eller arvingane hans ha halve bruket mot å betala halve kjøpesummen samt halvdelen av 80 rd. som Erik no hadde fått. Resten skulle overtakast når den lengstlevande gjekk bort.

Gunhild Mikjelsdotter døydde som enkje i 1788. Ved skiftet etter henne i Hansebrøta same år var bruttoeiga 47 rd. og nettoeiga 39 rd.

Neste brukarar var *Ola Erikson Tronhuseige,* Tronhus 54/8b, f 1762 d 1796 g 1788 m *Beret Olsdotter Steinsetre,* Kyrkjebjørgo, f 1754 d 1838 i Hansebrøta. Ola kjøpte Hansebrøtin i 1791 av Ellend Knutson Tronhus, og ved

skiftet i 1796 var bruket taksert for 200 rd. Bruttoeiga var då 234 rd. og nettoeiga 217 rd. Barn:

1. Marit f 1790 d 1801.
2. *Siri* f 1794, brukar seinare.

Beret Olsdotter g 2. m *Ellend Sjugurdson Hellandshølen* f ca. 1753 d 1801. Ved skiftet etter Ellend i 1801 var bruttoeiga 1059 rd. og nettoeiga 734 rd. Beret g 3. 1802 m *Per Andersson Øymoen* frå Land.

Siri Olsdotter Hansebrøtin f 1794 d 1823 g 1. 1808 m *Ola Arneson nørdre Øyhus* f 1778 d 1822. Ola var kalla gardmann frå Hansebrøta då han døydde. Siri g 2. 1823 m *Gunnar Andersson Eid,* sjå under austre Piltingsrud, f 1796. I 1823 fekk Gunnar skøyte av Per Andersson Øymoen for 100 spd., og bruket vart same år skyldsett. Gunnar Andersson g 2. 1823 m *Gunhild Ellendsdotter Tronhus,* sjå under Åsli.

I 1824 selde Gunnar Andersson for 550 spd. til ungkar *Håvård Håvårdson Storøydgarden,* Haugen 40/2. Håvård døydde som innerst på nedre Storøydgarde i 1864.

Håvård klarte ikkje gjelda si og måtte flytja. I åra etter hadde Hansebrøtin fleire eigarar, som ikkje budde her.

Etter krav frå *Kristoffer Li,* Ringerike, gjekk Hansebrøtin til auksjon i 1831. Kristoffer vart sjølv eigar for 361 spd., og fekk auksjonsskøyte i 1832. Kristoffer Li selde same år til *Sjugurd Olson Ølmhus* for 500 spd. I 1835 selde Sjugurd Ølmhus for 500 spd. til *Harald Erikson Haugsrud.* Harald Haugsrud selde i 1839 for 750 spd. til *Amund Amundson Høneren,* som vart brukar.

Frå 1829 til -33 er *Lars Larsson Garthushaugen* gm *Kari Arnesdotter Øyhus* nemnde i Hansebrøta, sjå Lybekk 65/4, men kom hit mogleg noko før. I 1827 fekk Ola Larsson Hansebrøtin dottera Lisbet med Kari Larsdotter Langbrøtin. Lisbet gm Gunnar Olson Lundehalle, sjå Ivarsbrøtin 55/4. Ola kan vera bror til Lars og f 1799.

Amund Amundson Høneren, Rustebakke, f 1799 d 1874 g 1. m *Ingebjørg Olsdotter Høneren* f ca. 1759 d 1851. Ingebjørg hadde før ekteskapet med Amund vore gift med Harald Olson Grøv, sjå Høneren. Ved giftarmålet med Harald i 1812 var Ingebjørg enkje og kalla Ingebjørg Olsdotter Lindelia.

Amund Amundson g 2. 1853 m *Gudbjørg Hansdotter Strømmen,* enkje, f ca. 1786 d 1863. Gudbjørg hadde før vore gift med Ola Olson Haugsrudeige, sjå under Sørum. Gudbjørg døydde som husmannskone i Moe under Åse, der Amund var i 1865.

I 1848 selde Amund Amundson for 400 spd. til *Hans Ivarson Grimsrudeige,* Vika under Rustebakke, f 1803 d 1883 g 1830 m *Anne Hallsteinsdotter Storsvee* f 1801 (1800) d 1887. Dei er før nemnde på Grimsrudeige 1831, Lybekk 1836 og budde nokre år i nedre Tronhussetren før dei kjøpte Hansebrøtin. Barn:

1. Anders f 1831, til Amerika 1852.
2. Hallstein f 1836 drukna 1855 i Begna.
3. *Ivar* f 1840, neste brukar.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 12 mål vassjuk åker og dyrka eng, 30 mål ganske magert slåtteland, frå utmarka kom 31 skippund høy, ham-

ninga var tilstrekkeleg, 1 tylft grantømmer kunne hoggast, og dei lauva 2000 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 8 naut, 10 sauer, 10 geiter, og sådde 1/16 tønne rug, 3/4 tønne bygg, 2 tønner blandkorn, 1/16 tønne erter og 3 1/8 tønner poteter.

Hans Ivarson selde i 1866 for 150 spd. til sonen *Ivar Hansson Hansebrøtin* f 1840 d 1918 1. 1864 m *Marit Gudbrandsdotter Åseneige,* Hesjadalen 55/8, f 1834 d 1898. Barn:

1. Anne f 1865, til Amerika 1887, gm Amund Andreasson Eidsmoen f 1863.
2. Kari f 1867 gm Halvor Mathiasson søre Leitet.
3. Maria f 1869 gm Ole Andreas Julson Smedsrud, sjå Kveitn 11/18.
4. *Hans* f 1871, neste brukar.
5. Gunhild f 1873 d 1873.
6. Gunhild f 1875 gm kjøpmann O.P. Gaptjern, sjå Foss i Bagn.
7. Halstein f 1875, tvilling med Gunhild, gm Sigrid Erlandsdotter Stensæter, sjå Sørei 48/26.

Ivar Hansson g 2. 1909 m *Olava Olsdotter Iversbrøtin,* Heimen under øvre Tronhussetren, f 1866 d 1936. Dei bygde Nylund.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med steintak. 2. Ein livaursbygning med steintak. 3. Ein låve med bordtak. 4. Ein stall med bordtak. 5. Eit fjøs med bordtak. 6. Eit småkrøterhus med bordtak. 7. Ved sida av nr. 6 eit grisehus med bordtak. 8. Eit bryggerhus med bordtak.

Hans Iverson f 1871 d 1939, eigar frå 1900, g 1897 m *Else Veggersdotter Midtmoen* f 1870 d 1967. Barn:

1. Ivar f 1898 d 1900.
2. Marit f 1899 gm Ingvar Kamben, sjå Haugli (Løvstad og Skoglund).
3. *Ivar* f 1901, neste brukar.
4. Sigrid f 1905.
5. Vegger f 1908 d 1962 gm Alfhild Knutsen, Narvik, busette i Oslo.

Hans Iverson selde i 1928 til sonen *Ivar Hansson Hansebråten* f 1901 d 1986 g 1934 m *Bergit Hansdotter Tolebråten* f 1912. Barn:

1. Erna f 1936 gm Henry Beck, Toten.
2. *Hans* f 1938, neste brukar.
3. Håkon f 1941 gm Margit Gisti, Braskereidfoss.
4. Svein Ivar f 1952 gm Helene Thorsrud, Begnadalen, sjå Strømsmoen 74/23.

Hans Hansebråten f 1938, eigar frå 1971, gm *Guri Magnhild Ristebråten,* Strønd, f 1940. Barn:

1. *Ivar Einar* f 1964, eigar frå 1988.
2. Geir Helge f 1966.
3. Asbjørg f 1971.

Heime er 70 da. dyrka jord på jordsmonn av moldjord på leirbotn, og på setra 5 da. 39 da. av dette er dyrka etter 1971. På vestsida av bekken ligg *Hestejordet,* andre namn er *Rognåker'n, Stabburåker'n, Sauhushaugen,* og på austsida er *Stabburbrøtatn.* Skogen ligg rundt garden. 663 da. er produktivt areal og 69 da. anna utmark. I Hansebrøtabekke var det kvern.

På det gamle tunet, før 1910, stod bygningen lengst nord, lengre sør kom ei stugu — frå Hauge, stabbur, ei stugu som er flytta til Dytthøl, fjøs, grisehus, og lengst sør stall med sauehus og

ein gamal låve. Berre stabburet står att no. I dag står driftsbygningen lengst nord, deretter kjem bygning, det gamle stabburet, to garasjar, og i sør eldhus, smiu og ein bygning.

Den fyrste setra, Liasetre i Reinsjødale, vart seld i 1918 til Olaf Storsveen og Olaf Fønhus. I 1942 overtok Olaf Fønhus halvparten til Olaf Storsveen. Eigar no er Agnar Fønhus. Noverande seter, Smørhølet, vart kjøpt samstundes. Kring 1954 tok seterdrifta slutt.

Dytthøl bnr. 17 vart seld i 1907 av Ola K. Tronhus til Hans I. Hansebråten. Sonen Vegger fekk skøyte i 1942, og brorsonen Håkon Hansebråten i 1970.

Hansebrøtahaugen

Om lag 500 m opp og sør for Hansebrøta låg plassen Haugen eller Hansebrøtahaugen, som høyrde til Hansebrøtin. Her budde folk til noko før 1900. Innmarka har sidan vore nytta. Husa var stugu, fjøs, stabbur, låve og vedskåle. Stugu vart flytta til Hansebrøtin kring 1902 og stabburet til Sørei i Kambabygden kring 1906.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Mikjel Arneson Tronhus,* Hellandshølen, f 1774 d 1858 g 1803 m *Beret Knutsdotter Lundatn,* Lundoeige, f 1780 d 1860. Dei er nemnde på Åseneige 1806, men før på Tronhuseige og sidan både på Tronhuseige og Hansebrøtaeige. Barn:

1. Beret f 1804 gm Per Kristènson Stugarden, sjå Stugardsbråtån.
2. Arne f 1806.
3. Ola f 1807 sannsynlegvis d 1809.
4. Arne f 1810.
5. Arne f 1812 d 1819.
6. Ola f 1815 gm Marit Jonsdotter Roa, sjå Gladhaug 54/1.
7. Anne f 1821 gm Ola Arneson Storøydgarden, sjå Øvregarden 41/1.
8. Arne f 1822 g 1848 m Tora Ivarsdotter Vika under Rustebakke f 1821. Dei fekk barna Beret f 1849 og Mikkel f 1851 på Hansebrøtahauge, og reiste til Amerika i 1851. Arne var då kalla Tordebrøtahagin.

Husmannsfolk i 1865 var *Mikjel Larsson Langbrøtin* — «Store-Mikjel» — f 1815 d 1904 på Gladhaug g 1841 m *Gunhild Olsdotter Sørflatseige,* Turibrøtin 27/5, f 1799 d 1873. Ei Ingebjørg Gudbrandsdotter, som levde av å spinne og strikke m.v. og dottera hennar, Gunhild Knutsdotter, hadde i 1865 også husrom på Hauge.

Mikjel og Gunhild hadde i 1865 2 naut, 4 sauer, og sådde 1/4 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 1 1/2 tønne poteter.

Mikjel Larsson g 2. 1874 m *Ingrid Arnesdotter Høgloft* f 1822. I 1875 hadde dei husrom på nørdre Hellandshøle, men er oppførte under Hansebrøta i folketeljinga 1891. Plassen Haugen er då ikkje nemnd, heller ikkje i 1900, men kan hende var det her dei heldt til. Mikjel var i 1891 dagarbeidar og fekk støtte av fattigkassa. I 1900 budde båe i drengestugu på Åmot.

Julekvelden eit år vart det brann i fjøset, der dei brukte tyristikker til ljos. Utpå natta oppdaga ein granne røyk som siva ut, og fekk vekt folka på Hauge. Dyra var omkomne, men vart dragne ut og tappa blodet av. Dermed hadde dei iallfall slakt. Brannen vart sløkt og fjøset redda. Då dei frå Åse køyrde forbi juledags morgon, stod Mikjel og flådde ei kolbrend ku.

I 1872 og -74 er *Hallvor Olson Lundoeige* og *Mari Arnesdotter Dokkebakkatn* nemnde på Hansebrøtahauge, sjå Hølvegen 36/21.

Dei siste kjende husmannsfolka er *Syver Olson Storsveeige* gm *Guri Engebretsdotter Haftonseige.* Dei er nemnde her i 1875 og -77, sjå Bergabrøtin 39/34. Syver flytta sidan til Gottenborg i Nord-Aurdal.

Nørdre Tronhus

I 1745 sette tre brukarar på Tronhus opp kontrakt om grenser for partane sine, sjå ovafor. Her er det tale om ein *nørdre* og ein *søre* halvdel av garden. Denne delinga må liggje bak oppkomsten av nemninga *nørdre Tronhus,* som seinare er brukt i kjeldene.

Omgrepet nørdre Tronhus er også nytta med vidare innhald. I skylda til den nørdre halvdelen vart Hellandshølen rekna, endå Hellandshølen låg lengst i sør mot Garthusskifte. Difor finn me i eit skøyte i 1763 på Klauvstad formuleringa «begge gården nordre Tronhus' beboere». Desse var Anders Ellendson i øvre Setren og broren Arne, som budde på Hellandshøle.

I geografisk meining omfatta nørdre Tronhus etter kvart fleire bruk: Klauvstad, Tordebrøtin, Gladhaug og Setergardane samt plassar under desse. Namnebruken for området nede i dalen, nordover mot Hølerun, ser i den eldste tida ut til å ha vore noko flytande. Dels er Klauvstad nytta. Men i eit pantebrev i 1753, som tilsynelatande gjeld den same parten, er namnet Tordebrøtin brukt: «Tronhus eller Torebråten».

Ved fleire handlar i nørdre Tronhus går det ikkje eintydig fram av skylda kva for part salet gjeld. Utviklinga i eigedomshistoria for det av nørdre Tronhus som låg nede i dalbotnen, før me kan skilja mellom einskilde bruk, må nok likevel i hovudsak vera fylgjande:

I 1739 sel Erik Arneson Tronhus plassen Klauvstad til sonen *Arne Erikson.* I 1740 sel bror til Arne, *Anders Erikson,* då på Steinsrud, 1 skinn til Arne for 312 rd. Arne Erikson ferda i 1751 ut bygselsetlar på plassane Gladhaug og Brumoen.

I 1752 selde Arne Erikson 1 1/2 skinn 2 1/4 lispund for 800 rd. til broren Anders, men heldt unna plassen Setre — nedre Setre.

Anders Erikson Tronhus f 1720 g 1739 m *Siri Bjørnsdotter Steinsrud* f 1717. I 1773 blir «kvinnen» til Anders Erikson Tronhuseige gravlagd, men i 1799 ei Siri Bjørnsdotter Lundoeige, 81 år gamal. Barn:

1. Erik f 1739 d 1740.
2. Erik f 1740 sannsynlegvis d 1764 på Tronhuseige.
3. Bjørn f 1743.
4. Kari f 1749, mogleg den Kari Andersdotter Tronhus som i 1771 fekk dottera Siri med Gudbrand Gudbrandson Braka. Ei jente til Kari Andersdotter Tronhus, fødd utenom ekteskap, blir gravlagd i 1773.
5. Guri f 1754 d 1754.

I 1753 selde Anders Erikson 1/2 skinn til verbroren Knut Ellendson på hovudbølet Tronhus. Seinare same år pantsette han 1 skinn i Tronhus eller

Tordebrøtin til Hans Bagn for eit lån på 100 rd.

Arne Erikson overtok ikkje lenge etter på nytt, men hadde kjøpt Li i Hedalen i 1753. I 1755 selde Kari Hansdotter, enkje etter Arne Erikson, med plassane Klauvstad og nedre Setre for 605 rd. til odelsmannen *Anders Ellendson* i øvre Setren. Avtale om salet var inngått medan Arne levde. Anders hadde tidlegare i 1755 kjøpt noko gods i nørdre Tronhus for 102 rd. av brorsonen Ola Mikjelson Hauger ved sylvverket på Kongsberg. Sistnemnde hadde arva etter faren Mikjel Ellendson.

I 1756 selde Anders Ellendson 1 1/2 skinn 2 1/4 lispund, med underliggjande Øyvassetre og halvdelen i Smørhøle, for 360 rd. til *Ola Arneson Langedrag.* Men Anders vart eigar att.

I 1767 selde Anders Ellendson den same parten samt 2/3 av Klauvstad for 1190 rd. til odelsrettshavarane *Ola, Timann* og *Ellend Mikjelsøner,* brorsøner til Anders. Brørne selde nokre dagar attende til Anders for 1453 rd. av di dei ikkje kunne forlata bergarbeidet sitt ved Kongsberg sylvverk. Brørne gjorde same år også ein handel med Arne Ellendson Hellandshølen, som åtte 1/3 av Klauvstad. Fyrst kjøpte dei denne parten for 860 rd., deretter selde dei for 899 rd. I 1768 ferda brørne ut eit prov på at dei hadde oppgjeve odelsretten til Tronhus.

Hellandshølen

I byrjinga av 1700-talet hadde Tronhus to engeslette med lyur lengst sør på eigedomen. Desse blir i 1715 nemnde som Hellandshølen og Knutsbrøtin, og då selde av Ellend Mikjelson Tronhus til farbroren *Arne Andersson Åsen* for 130 rd. Med i salet var underliggjande fiskerettar. Det gjev ein peikepinn om korleis namnet Hellandshølen skal oppfattast: Her må ha vore ein fiskerik *høl* i elva. I 1742, etter at det hadde kome busetnad, er staden berre kalla *Hølen.*

Etter krav frå etterfylgjaren til Ellend Mikjelson på Tronhus, Erik Arneson, leverte *Anders Gunnarson Åsen,* som no brukte Åsen, dei to engesletta attende til Tronhus i 1725 for same summen Arne Andersson hadde gjeve.

I 1735 overtok *Jens Olson Braka* 1 skinn i Tronhus som brukeleg pant og bruksrett til eit anna skinn, tilsaman 2 skinn, frå Arne Erikson Tronhus. Dette galdt den halvdelen av Tronhus som faren hadde overlate Arne i 1732. Jens pantsette samstundes 2 skinn i Braka til Arne. I 1740 overdrog Jens halve pantegodset i Tronhus til Arne samt retten til det andre skinnet for eit lån på 100 rd. til betaling på gjeld til Anders Storøydgarden. Jens Olson og kona *Beret Andersdotter,* sjå Braka 44/bruk I, budde på Hellandshøle, der Jens døydde i 1743. Beret døydde her i 1749. Ved skiftet etter Jens hadde buet 1/2 skinn pantegods. Bruttoeiga var 220 rd. og nettoeiga 81 rd.

Jens Olson og Beret Andersdotter kom sannsynlegvis til Hellandshølen kring 1735, og er dei fyrste kjende brukarane. Iallfall bygde og åtte dei to hus, ei stugu og eit fjøs, som vart takserte og skifta mellom dei fire attlevande barna i 1753.

Neste kjende brukarar, *Arne Ellendson Tronhus* f 1727 d 1777 g 1757 m *Beret Ellendsdotter nørdre Garthus* f

1735, er nemnde på Tronhus frå 1758, som må vera Hellandshølen. Barn:

1. Ellend f 1758 gm Siri Mikjelsdotter Navrud, sjå Brøtalie under Åse.
2. Lussi f 1763 d 1775.
3. Ingrid f 1765 gm Ola Hansson Rustebakke, sjå Rustebakkeige.
4. Anders f 1767.
5. Gunhild f 1768 gm Svein Olson Åsen, sjå Sveinedokke under Langedrag.
6. Anders f 1770 d 1773.
7. *Ola* f 1771, brukar seinare.
8. Mikjel f 1774 gm Beret Knutsdotter Lundatn, sjå Hansebrøtahaugen.
9. Arne f 1778 gm Kari Mikjelsdotter Skaratn, sjå Eivindsplassen under Skaro.

I 1762 selde Arne Ellendson Larsebøle under Hellandshøle til Jon Olson Steinsrud for 52 rd.

I 1767 selde Arne Hellandshølen og den delen han hadde kjøpt av Klauvstad i 1763, for 860 rd. til brørne *Ola, Timann* og *Ellend Mikjelsøner,* sjå nedre Tronhussetre 54/6, som hadde odelsrett. Dei arbeidde då ved Kongsberg sylvverk. Brørne skøytte nokre dagar seinare eigedomane attende til Arne for 899 rd. av di dei ikkje kunne forlata Kongsberg og arbeidet sitt.

Etter at Arne døydde i 1777, fann Beret det vanskeleg å greie opp med heile bruket åleine. I 1780 selde ho halvparten, bruk II eller 1/2 skinn, til Jon Gulson Grimsrud for 230 rd.

Hellandshølen bruk I

I 1788 selde Beret Ellendsdotter denne parten for 200 rd. til *Ellend Sjugurdson* f ca. 1753 g 1794 m *Marit Olsdotter Kleivgard* f ca. 1756 d 1795. Ved skiftet etter Marit var bruttoeiga 310 rd. og nettoeiga 293 rd. Barn:

Sjugurd f 1795.

Ellend Sjugurdson g 2. m *Beret Olsdotter Hansebrøtin,* sjå der.

I 1793 fekk Ellend skøyte på nytt av *Ola Arneson,* son til den førre eigaren Beret Ellendsdotter, for 398 rd. Ola hadde kort tid i førevegen kjøpt av Ellend. I 1797 selde Ellend til Ola Arneson for 460 rd. Ola hadde i 1794 også kjøpt bruk II, slik at han frå 1797 åtte heile garden.

Hellandshølen bruk II

Jon Gulson Grimsrud gm *Ingrid Arnesdotter Skarasetre,* sjå Joplassen 47/3, åtte denne parten frå 1780.

I 1794 selde Jon til odelsmannen *Ola Arneson* for 399 rd., som frå 1797 åtte heile Hellandshølen.

Hellandshølen samla

Ola Arneson Hellandshølen, son til dei tidlegare eigarane Arne Ellendson og Beret Ellendsdotter, gm *Kari Haraldsdotter Garthus.* I 1810 kjøpte Ola Gladhaug 54/1, sjå der, men var framleis kalla Hellandshølen i 1823.

I 1823 selde Ola Arneson for 400 spd. til *Erik Olson* og skulehaldar *Trond Olson* — Trond Olson Skinnrud, sjå nedre Skinnrud 9/6. Med i salet var ein hest, noko inventar og reiskap, m.a. ein plog. Ola ville bruke harven felles med kjøparane. Same år selde Erik og Trond halve setra Lundevøllen under Hellandshøle, skyldsett i 1823, til Ola Arneson.

Livauret Trond og Erik etter kontrakt i 1823 skulle svara til Ola Arneson og Kari Haraldsdotter, var 4 tønner blandkorn, 2 tønner bygg, 1 kvart tønne rug, 1 kvart tønne malt, 1 kvart tønne spansk salt, og røkt og stell av 3 kyr og 6 småkrøter. For kvar ku skulle livaursfolka ha 3 bismarpund smør, 3 bismarpund ost og 3 bismarpund prim. Av småkrøtera skulle det vera 4 sauer og 2 geiter, av kvar geit skulle svarast 2 bismarpund geitemat. Til slakt skulle kvart år leverast halvdelen av eit vakse naut, og halvdelen av ei stor fjorkvige annakvart år. Dessutan 10 alen strie og 5 alen lerret. Til eige bruk fekk dei ein åker nordafor husa.

Hellandshølen bruk A

Trond Olson makeskifta i 1824 halvdelen sin, sannsynlegvis nørdre Hellandshølen, til Mikjel Sjugurdson Dølvesbrenne mot partane til Mikjel i Dølvesbrenn. I mellomlag betalde Mikjel 100 spd.

Mikjel Sjugurdson Dølve, søre Dølvesetre 48/11, f 1790 d 1874 g 1821 m *Guro Eriksdotter Tronhuseige,* Hellandshølen bruk B, f 1799 d 1895. I 1865 var båe livaursfolk på nørdre Hellandshøle. Barn:

1. *Sjugurd* f 1822, sjå nørdre Hellandshølen 54/12.
2. Anne f 1827.
3. Erik f 1830.
4. *Gjartrud* f 1834 gm *Kristafer Andersson Koparvike,* medbrukarar i 1865, sjå Hølt 54/33.
5. Ola f 1841, til Amerika 1861.

Hellandshølen bruk B

Erik Olson Ølmhuseige f 1777 d 1851 g 1799 m *Gjartrud Olsdotter Ølmhuseige,* mogleg Landsendeige, kan vera dotter til Ola Olson og Beret Ivarsdotter. Denne Ola fekk festesetel på Storberget — Klubbeberget — under Tronhus i 1751. Gjartrud var i så fall f 1767, d 1853 på Kristiansmoe — Moen under søre Lien i Liagrenden. Erik og Gjartrud er nemnde på Ølmhuseige til 1803, men på Tronhuseige frå 1809. Rimelegvis var det denne Erik Olson med kone som fekk festesetel på plassen Børthus under Klauvstad i 1817. Barn:

Guro Eriksdotter nørdre Hellandshølen f 1799 d 1895. Guro var dotter til Erik Olson på Massingmoe under Ølmhus.

1. Guro f 1799 gm Mikjel Sjugurdson Dølve, sjå Hellandshølen bruk A.
2. Beret f 1803 gm Hallvor Erikson Tronhuseige, sjå Køldokke 48/7.

3. Kjersti f 1809, mogleg den Kjersti Eriksdotter Skarseige som døydde i 1867, 58 år gamal.
4. Olea f 1812 gm Ola Olson Garthuseige, sjå Hermundsplassen 1/5.

Hellandshølen bruk A og B samla

I 1844 kjøpte *Sjugurd Mikjelson* bruk A av faren Mikjel Sjugurdson og bruk B av verfaren Erik Olson. Kjøpesummen var 300 spd. I 1854 vart søre Hellandshølen bnr. 13 utskild. Sjugurd brukte nørdre Hellandshølen bnr. 12.

Nørdre Hellandshølen bnr. 12

Sjugurd Mikjelson Hellandshølen f 1822 gm *Ingebjørg Steinarsdotter.* Barn som me kjenner:

1. Gunhild f 1845 gm Nils Mikjelson Lundelie, sjå Søreng 50/30.
2. Karen Mathea f 1847 g 1. m Hallvor Olson Hellinge, sjå der, g 2. m Martin Mikkelson Hagin, sjå Sålså 9/4.
3. Steinar f 1853.
4. Johannes f 1856 g 1. m Olea Thomasdotter Stavadalen, sjå søre Stavadalen 4/2, til Amerika 1885. G 2. m Sina Pederson.
5. Bernt f 1858, til Kristiania 1876, til Amerika 1878.

I 1861 selde Sjugurd Mikjelson for 150 spd. til *Ola Hallsteinson Leikebakke.* Han budde ikkje her. I 1865 brukte foreldra til Sjugurd, *Mikjel Sjugurdson* og *Guro Eriksdotter,* halve garden som livaure. Saman med dei budde også dottera *Gjartrud* og familien hennar, og hjalp til med drifta.

Etter matrikkelførebuinga 1866 hadde nørdre Hellandshølen 9 mål ganske god åker og dyrka eng, 44 mål magert slåtteland, frå utmarka kom 12 skippund høy, hamninga var nokolunde tilstrekkeleg, dei lauva 600 kjerv, garden var lettbrukt, og låg utsett til for flaum. I 1865 hadde dei 5 naut, 5 sauer, 3 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg, 3 3/4 tønner blandkorn og 5 tønner poteter.

I 1873 selde Ola Hallstein Leikebakke til *Ola Embrekson Storsvee.* Han brukte nørdre Hellandshølen under Storsveen, men er oppført som gardbrukar på Hellandshøle med familien sin i 1891. I folketeljinga 1900 er nørdre Hellandshølen ikkje nemnd. I 1875 budde framleis livaurskona Guro Eriksdotter her, og Mikjel Larsson og kona Ingrid Arnesdotter, sjå Hansebrøtahaugen, hadde husrom.

Ola Embrekson Storsvee selde i 1907 til sonen *Anton Olson Storsvee.* Anton, som gjekk for å vera ein original, budde på Storsveen med systrene Ingrid og Siri, og la ikkje så mykje arbeid i drifta på Hellandshøle.

I 1947 kjøpte *Olav Narveson Bergene,* nedre Dølvesbergatn 48/20, f 1913, garden av buet etter Anton Storsveen. Gm *Karine Olausdotter Dølven* f 1920. Det fanst korkje dyr eller reiskapar då Olav overtok. Barn:

1. Ove Norvald f 1943 gm Reidun Bentsen, Mjøndalen, bur på Nedre Eiker.
2. Kjell Arnold f 1946 gm Katrin Juvkam, Bagn, sjå Rosvik 36/53.
3. Aud Hjørdis f 1948 gm Lars Juvkam, Bagn, sjå Solbakken 36/17. Barn: Rune f 1972 og Asgeir f 1974.
4. *Roald* f 1954, neste eigar.

Roald Bergene f 1954, eigar frå 1983, gm *Vigdis Dalen,* Bagn, f 1956. Barn:

1. May Kristin f 1979.
2. Kine f 1983.

Nørdre Hellandshølen har 45 da. dyrka jord på mold og sandjord, nytta til mjølkeproduksjon, og 331 da. skog.

Det gamle våningshuset vart vølt i 1947, påbygd i 1951 og fekk eit tilbygg i 1979. Huset vart påkøyrt av ein trailer i 1984, og måtte reparerast. Nytt våningshus 1983. Driftsbygningen er frå 1958.

Den gamle setra i Reinsjødale, Lundevøllen, vart utskild i 1913 som bnr. 20, og seld same år til Ole Olson Gladhaug. I 1963 vart setra Grånlie 48/23 kjøpt. Her er det nydyrka i seinare år. Arealet av dyrka jord er 25 da., seterskogen er 70 da.

Søre Hellandshølen (no Helland) bnr. 13

Søre Hellandshølen vart utskild i 1854, og seld same år for 200 spd. til *Ola Knutson nedre Dølvesbergatn* f 1830 d 1867 g 1853 m *Beret Jonsdotter Fønnhuseige,* Heiebrøtin 56/6, f 1833 d 1908. Barn:

1. Johan f 1853.
2. Inger f 1855 gm Hallvor Olson Roaeige, sjå Gunnarhuset 99/1.
3. Knut f 1857.
4. Ole Andreas f 1860 gm Marit Olsdotter Dølvesbrenne, sjå vestre Erstadbrøtin 33/11.
5. Bertine f 1863 gm Olav Arntson Odden, sjå Bagnsbergatn 37/1.
6. Olea f 1865 d 1915.

Frå søre Hellandshølen. Beret Jonsdotter f 1833 og den andre mannen hennar, Eivind Ellingson f 1842, med barna: tvillingane Ole og Kristoffer og dottera Ingrid. Barna er i vaksen alder. Foto: Kristine Thorsrud.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 10 mål ganske god åker og dyrka eng, 34 mål magert slåtteland, hamninga var ikkje tilstrekkeleg, og dei lauva 600 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 4 naut, 5 sauer, 8 geiter, og sådde 4 tønner blandkorn, 1/8 tønne erter og 5 tønner poteter.

Beret Jonsdotter fekk heimel på skiftet etter Ola i 1871. Ho gifta seg same år opp att m *Eivind Ellingson* f 1842 d 1916, son til Elling Knutson Skinnrudeige, sjå Kvålsrødningen, og Kari Eivindsdotter Song. Barn:

1. *Kristoffer* f 1871, neste brukar.

Søre Hellandshølen slik garden såg ut då Kristoffer Evenson f 1871 og Marit Olsdotter f Torsrud 1884 dreiv.

2. *Ole* f 1871, tvilling med Kristoffer og ei tid eigar saman med han, gm Ingebjørg Andersdotter Sæteren, sjå øvre Sørflate 27/1.
3. Ingrid f 1875 gm Hans Erlandson Sæteren, sjå Tordebrøtin 54/4.

I 1901 fekk sønene *Kristoffer* og *Ole* skøyte av faren. Ole selde halvdelen sin samt nokre andre partar til broren i 1928.

Kristoffer Eivindson Helland f 1871 d 1962 g 1911 m *Marit Olsdotter Thorsrud,* Torsrud 30/4, f 1884 d 1963. Barn:

1. Berit f 1912 gm Mikael Hasle, sjå Haslebrøtin 13/11.
2. *Even* f 1913, neste brukar.
3. Ole f 1915.
4. Guri f 1916 gm Toralf Brager, sjå Ellendshaugen 37/2.
5. Jesper f 1918 gm Gunhild Arnesdotter Rustebakke, sjå Morud 67/4.
6. Borghild f 1920.

Even Kristofferson Helland f 1913, eigar frå 1947, g 1943 m *Ragnhild Stensæter* f 1922. Barn:

1. Else Marit f 1946 gm Kørner Helgesen, Oslo.
2. Kåre f 1952 d 1953.
2. Kari Torunn f 1954 gm Christoffer Rustebakke.
3. *Kåre Ragnar* f 1962, neste eigar.

Kåre Ragnar Helland f 1962, eigar frå 1984, gm *Ingunn Solberg,* Råde i Østfold. Barn:

1. Morten f 1982.
2. Lene f 1987.

Søre Hellandshølen har 60 da. innmark og 1000 da. skog og utmark. Under storflaumen i 1860 gjekk vatnet opp på bygningen, som dei då heldt på å setja opp. Den øvre delen av jordet heiter *Heggeroa.*

Husa er hovudbygning 1860, driftsbygning 1964, stabbur 1900, revekjøken 1903 og garasje 1955.

Til setra på Bukfyll gjekk vegen opp langs nørdre sida av Hølerun. På setervollen er det nydyrka. No har garden delar i Venelia fellesseter. Frå 1932 har Even Helland drive pelsdyrfarm. I 1948 kjøpte han Rundfløtsage.

I august 1979 raste 2000 kubikkmeter stein ut frå den høge fjellskrenten ved garden. Riksvegen vart sperra og telefonlina sørover frå Bagn øydelagd.

Øvre Tronhussetre (Øvre Sæteren) bnr. 5

Øvre Tronhussetre, i daglegtale Setre eller øvre Setre, ligg bratt til øvst i Seterbygden, om lag 550 m o.h. Her oppe i lia kjem sola tidleg om morgonen, det er god jord og veks godt.

I 1716 fekk *Anders Mikjelson Tronhus* skøyte for 160 rd. av broren Ellend, som hadde hovudbølet Tronhus, på eit engeslette med lyu vest for Tronhus. Med engeslettet fylgde også skog og mark. M.a. heiter det at delet går «vester i det høyeste berg i Åseskifte, like der i fra, nord og langs etter Liberget, opp under Øvre Seterne». Litt etter er det derimot tale om seter i eintal: «ovenmeldte seter». Dette må vera den øvre setra som garden ha fått namn etter, rimelegvis ei heimseter til Tronhus. Retningsordet *øvre* tyder på at det også fanst ei *nedre* seter. Sistnemnde vart nok plassen nedre Setre, seinare utskild som eigen gard. Etter Anders Mikjelson er øvre Setre nokre gonger seinare kalla *Andersseter.* Øvre Setre høyrde under nørdre Tronhus, sjå der, og var etter skylda rekna som ein tredel av denne.

Anders Mikjelson Tronhus f ca. 1688 d 1739 g 1712 m *Rønnaug Knutsdotter Stugarden.* For barna som me kjenner, er berre faren, Anders Tronhus, oppgjeven:

1. Guro f 1713.
2. Knut f 1714, mogleg identisk med Knut Andersson Åsen d 1748, 34 år gamal.
3. Mikjel f 1717.
4. Gunhild f 1720.

I 1734 kjøpte *Knut Ellendson Tronhus* Anderssetre for 133 rd. Fleire var seljarar. Gul Stugarden fekk 75 rd. for pantepengar, Ola Timannson Hølersetre 40 rd. for det han åtte, Anders Mikjelson 10 rd. for bygningar, og Mikjel Ellendson, son til Ellend Mikjelson som selde i 1716, 10 rd. for retten sin til «plassen eller setra». Anders Mikjelson er no kalla Tronhuseige. Same år sette Knut Ellendson bort eigedomen som brukeleg pant i 21 år til *Ola Arneson Fønnhus* for eit lån på 200 rd.

I 1747, før pantetida etter kontrakten frå 1734 var omme, selde Knut Ellendson øvre Tronhussetre for 174 rd. til broren *Anders Ellendson Tronhus* f

1715 d 1784 g 1751 m *Inger Olsdotter nedre Jukam* f ca. 1727 d 1813. Årleg skulle svarast 1 rd. 8 skill. til Tronhus som hjelp til skattane. Barn:

1. Guri f 1753.
2. Ola f 1755.
3. *Ellend* f 1757, neste brukar.
4. Ola f 1760.
5. Mikjel f 1763 gm Kari Larsdotter Lundatn, sjå Klauvstad bruk I.
6. Gudbjørg f 1767.

I 1781 selde Anders øvre Setre samt delen han åtte i Nysetren for 200 rd. til eldste sonen *Ellend Andersson* f 1757 d 1817 g 1782 m *Gunhild Knutsdotter Tronhus* f ca. 1756 d 1841. Ein av sønene med namnet Ola fekk same år skøyte på ein part i Klauvstad.

Som livaure ville Anders og Inger ha 1 tønne stritt korn, stell og røkt av 1 ku, 2 småkrøter, og 1/2 tønne brødkorn.

Barn til Ellend og Gunhild:

1. Inger f 1783 gm Svein Olson Torsrud, sjå nedre Tronhussetre 54/6.
2. Gunhild f 1789 d 1790.
3. Gudbjørg f 1792 gm Lars Mikjelson Tronhus, sjå Klauvstad og Tordebrøtin.
4. Gunhild f 1795 d liten.
5. *Anders* f 1799, neste brukar.

I 1817 selde Ellend for 240 spd. til sonen *Anders Ellendson* f 1799 d 1845, med frådrag av den tredelen, nedre Setre, som han i 1800 hadde selt til versonen Svein Olson. Anders var g 1822 m *Anne Olsdotter Tronhushølen* frå Øykjegardsbrøta under Rustebakke — Bråtån 67/9, f 1802. Ved skiftet etter Anders i 1845 var bruttoeiga 474 spd. og nettoeiga 160 spd. Barn:

1. *Ellend* f 1823, neste brukar.
2. Ola f 1824 gm Barbro Olsdotter Trulsebråtån, sjå øvre Tronhusseterbrøtin.
3. Anders f 1829, til Amerika 1852.

Anne Olsdotter g 2. 1848 m *Kristafer Olson nørdre Lundatn,* sjå der.

I 1844 selde Anders Ellendson for 300 spd. til sonen *Ellend Andersson* f 1823 d 1866 g 1848 m *Gunhild Hansdotter nedre Setre* f 1828. Ellend kjøpte i 1850 nedre Tronhussetre for 150 spd., utskild i 1875 som bnr. 6. Barn:

1. *Anders* f 1849, neste brukar.
2. Anne f 1852 gm Halstein Lo.
3. Kari f 1854 d 1862.
4. Hans f 1857 gm Ingrid Evensdotter Hellandshølen, sjå Tordebrøtin 54/4.
5. Arne f 1859 d 1862.
6. Arne f 1862 d 1894.
7. Kari f 1866 gm Johan Olson Petrud, Vardal.

Gunhild Hansdotter g 2. 1877 m *Ola Timannson øvre Sørflate,* sjå Tordebrøtin 54/4.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det i øvre og nedre Tronhussetren i alt 25 mål noko høglendt åker og dyrka eng, 80 mål steinut slåtteland, frå setrar og utmark kom 34 skippund høy, hamninga var god, 3 tylfter grantømmer kunne hoggast, dei lauva 1500 kjerv, og garden låg litt avsides. I 1865 hadde dei i øvre Setren 2 hestar, 11 naut, 18 sauer, 10 geiter, og sådde 3/4 tønne bygg, 3 tønner blandkorn, 4 1/2 tønner poteter. Nedre Setre var liv-

aursbruk under øvre Setren, sjå nedre Setre.

I 1875 fekk Gunhild Hansdotter husa i øvre Setren brannassurerte. Husa var: 1. Eit våningshus med steintak. 2. Ein låve med flistak. 3. Eit gamalt fjøs med bordtak. 4. Eit nyleg oppført stabbur med steintak.

Anders Ellendson f 1849 d 1938 fekk i 1875 skøyte av mora Gunhild Hansdotter, g 1876 m *Marit Eivindsdotter Haslebrøtin* f 1854 d 1930. Barn:

1. Gunhild f 1877 d 1887 av skarlagensfeber.
2. Ingebjørg f 1879 gm Ole Evenson Hellandshølen, sjå øvre Sørflate 27/1.
3. Anne f 1880 gm Olaf Andreasson Lundene, nørdre Lundatn 50/11.
4. Kari f 1882 d 1971 gm Anton Olson Nybråten, til Amerika.
5. Erlend f 1884 gm Karen Johansdotter Brager, Søndre Land. Erlend var lærar ved Hallingdal fylkesskule i Nes i Hallingdal 1918—39, og budde i Nesbyen frå 1918. I 1939 kjøpte han Vest-Oppland folkehøgskule.
6. Eivind f 1886 gm Anna Mathea Nathalie Johannesen, sjå nedre Tronhussetre 54/6.
7. Gunhild f 1889 gm Ole O.A. Lundene, sjå søre Lundatn 50/8.
8. Berit f 1891 gm Ole Arneson Koppervik, sjå øvre Koparvike 50/1.
9. Maria f 1893 gm Martin Halvorson Leite, sjå søre Leitet 49/3.
10. Hanna f 1893, tvilling med Maria, d 1906 av difteri.
11. *Ole Andreas* f 1896, neste brukar.

Familien i øvre Setren ca. 1905, Anders Erlandson Sæteren f 1849 og kona Marit Eivindsdotter f Haslebråten 1854 med barna. Mellom Anders og Marit sit Maria, smågutane bak er Hans og Ole Andreas. Jentene er Ingebjørg, Berit, Anne, Kari og Gunhild, og bak står Eivind og Erlend. Eivind gjekk på underoffisersskule, og har uniformen på.

12. Hans f 1899 gm Ingrid Knutsdotter Brenden, sjå Solhaug 54/23, 24.

I 1921 fekk *Ole Andreas Andersson Sæteren* f 1896 skøyte av faren, g 1929 m *Ragnhild Knutsdotter Brenden,* øvre Dølvesbrenne 48/14, f 1901. Barn:

1. *Anders* f 1930, neste brukar.
2. Knut f 1932 gm Ingrid Ødegaard, Røn, Vestre Slidre, sjå Solhaug 54/23, 24.

3. Marit f 1933 gm Asbjørn Garthus, bur i Garthus.
4. Magna f 1935.

Øvre Setre har 45 da. dyrka jord. Skog og utmark, som omfattar heimskog og ein teig i sameiga, er på 1800 da., av det 1100 da. produktivt areal. Eit stykke av slåttemarka heiter *Rødningen.* Åkernamn er *Gamlebakkin, Nybakkin, Kjeldeåker'n, Låvehaugen* og *Storåker'n.* Anders Ellendson f 1849 fortalde etter bestefar sin at dei onna på mange stader ute i skogen, og fekk her opp til ti lass høy. Men skåle var det berre på *Skålemyren.*

Etter veg er det om lag 1600 m til næraste granne. Før den fyrste køyrevegen frå 1888, som gjekk langs bekken ved kanten av jordet, var det om sumaren kløvjaveg beint nedover om nedre Setre til Tordebrøtin. Vinterstid brukte dei ei litt anna lei lengre nord. Grendevegen frå øvre Setren til Hansebrøtin var arbeidd i 1964.

Gamlebygningen i to høgder er frå ca. 1860, stabburet frå ca. 1875, hovudbygningen i to høgder frå 1957, fjøset frå 1912 med låve frå 1930 bygd inntil, eit lite grisehus er frå 1908, dessutan finst ei lita lyu, opphavleg andre høgda på ein stall, og vognskjul frå 1965. Eit kvernhus frå 1800-talet har frå fyrst på 1900-talet vore brukt som smiu. Kverna stod i øvre Seterbekke. I april 1910, etter bråsmelting og regn, kom ei snøråk i Vesleseterbekke og sopte med seg skigarden, lauv- og barbusker samt ei oppgangssag ved kanten av jordet og ein del tilkøyrt tømmer. Saga var ikkje oppattbygd.

På Nysetren står det ei gamal årebu. Ei nyare bu brann ned vinteren 1937. Ny bu vart bygd i 1939. Fjøset og stallen er i eitt.

Frå 1977 er drifta i øvre Setren omlagd til sauehald.

Mange dyrka rug i bråtar dei brende i skogen. Rugen vart sådd anten om våren eller hausten. Haustrugen spira om hausten og voks opp om våren. Bråterugen vart tidleg mogen. Eivind Sæteren i nedre Setren dyrka sjølv litt rug med denne teknikken frå 1914.

Frå øvre Setren er ei segn om ein gong ein av dei fyrste oppsitjarane brende rugbråte. Då kom ei sint hulder og sa: «Du har brent opp barnet mitt. Difor skal etterkomarane dine bli veikhelsa i sjuande lekk og døy tidleg.» Slik hadde det òg vore, sa Anders Ellendson f 1849. Men sonen Eivind Sæteren, som fortel denne segna, legg til at faren vart 89 år, så då var vel straffedomen slutt.

Øvre Tronhusseterbrøtin

Dei fyrste kjende husmannsfolka i øvre Tronhusseterbrøta, i daglegtale øvre Brøtin, er *Arne Ivarson Ølmhuseige,* Tronhus, ukjend bustad, f 1762 d 1829 g 1786 m *Kjersti Ivarsdotter Ølmhuseige,* mogleg frå Store-Grøveiga og f 1760, d 1837. Dei er nemnde på Tronhuseige frå 1787, og kan ha vore dei som rydda plassen. Barn:

1. Mari f 1787.
2. Åste f 1789.
3. Ivar f 1791.
4. Gunhild f 1793 gm Kristafer Andersson Garthuseige, sjå Skiftet under Garthus.
5. Anne f 1796 g 1. m Ola Sveinson Tronhuseige, g 2. m Ola Olson Sørflatseige, sjå båe gonger Hølt 54/33.
6. *Ola* f 1805, neste husmann.

Ola Arneson Tronhussetre f 1805 g 1826 m *Anne Arnesdotter Åseneige,* Sveinsbrøtin under Åse, f 1804. Ola og den ventande kona hans overtok øvre Brøtin ved kontrakt i 1823, og skulle svara foreldra livaure etter kontrakt oppsett i 1825.

Arne Ivarson og Kjersti Ivarsdotter skulle årleg ha 2 1/2 tønner blandkorn, 1/2 tønne brødkorn, 1 skjeppe malt, 1 skjeppe salt, eit par sko kvar, 1/2 bismarpund lin, og røkt av 1 ku og 3 småkrøter.

I 1847 overdrog Ola Arneson plassarbeidet m.v. for 150 spd. til Kristafer Olson Eidsmoen i nedre Tronhusseterbrøta. I 1852 har Ola meldt frå om flytting til Amerika, og Anne til Land. Barn:

1. Kjersti f 1826, mogleg den Kjersti Olsdotter Tronhuseige som i 1860 fekk sonen Ole med Lars Olson Stavelandstøa frå Norderhov.
2. Gunhild f 1828, til Amerika 1852.
3. Maria f 1830.
4. Anne f 1833.
5. Marit f 1836.
6. Arne f 1840.

Ola Andersson frå øvre Tronhussetren — «Ola i Brøta» — f 1824 truleg d 1916 var husmann under bror sin i øvre Setren, og er nemnd i Brøta sidan giftarmålet i 1852 med *Barbro Olsdotter Trulsebråtån* f 1830 d 1894. Desse var dei siste husmannsfolka. Ola budde her framleis i 1900, og til slutt hjå dotter si på Berglund. Barn:

1. Anne f 1853 d 1949.
2. Tora f 1855 d 1911.
3. Inger f 1859 d 1912.
4. Olea f 1863 gm Kristian Arneson Berglund, sjå Berglund 22/23.
5. Anders f 1866 d 1869.
6. Anne Maria f 1871 d 1887.

I 1865 hadde dei 5 naut, 7 sauer, 8 geiter, og sådde 1/4 tønne rug, 1 1/8 tønne bygg, og 2 1/2 tønner poteter.

Saman med plassen nedre Brøtin vart øvre Brøtin i 1921 utskild til eigedomen Solhaug.

Solhaug bnr. 23 og 24

I 1921 kjøpte Hans Andersson Sæteren jordvegen på dei to tidlegare plassane øvre og nedre Brøtin av far sin. Plassane vart utskilde same år, bnr. 23 frå nedre og bnr. 24 frå øvre Tronhussetren, under namnet Solhaug. Tunet vart lagt til det gamle tunet i nedre Brøta.

Hans Andersson Sæteren, øvre Tronhussetre 54/5, f 1899 gm *Ingrid Knutsdotter Brenden,* øvre Dølvesbrenne 48/14, f 1903 d 1982. I 1982 kjøpte Ingrid og Knut Sæteren bruket av Hans, onkelen til Knut.

Knut O.A. Sæteren, øvre Tronhussetre 54/5, f 1932 g 1963 m *Ingrid Ødegaard,* Røn, Vestre Slidre, f 1933. Dei bur på Bagn i bustad for Bagn Kraftverk, der Knut arbeider. Frå 1983 har dei drive skogen og noko av jorda sjølve, medan resten av jordvegen er bortleigd. Barn:

1. Maren Rønnaug f 1964.
2. Anne Kirsti f 1969.

Solhaug ligg 450 m o.h. og har 30 da. dyrka jord i delvis bratt lende. Hans og Ingrid dreiv med mjølkekyr, fôringsdyr og hatt noko kornåker.

Som attåtnæring dreiv Hans i skogen med tømmerkøyring for andre så lenge det var hestekøyring.

På det øvre jordet er namna *Kjerstibakkin, Brøtabakkin, Nørdre åker'n* og *Vesleåker'n.* På det nedre jordet er *Låvehaugen, Nørdre åker'n, Søre åker'n* og *Langåker'n.* Husa i nedre Brøta var badstugu, skåle, stugu, fjøs, stabbur og låve. På same tunet er no stugu, låve, stabbur og verkstad, og på den andre sida av fylkesvegen er ein garasje.

Til nedre Brøtin høyrde setra Timannsvøllen, som låg inntil Nysetren som øvre Setre åtte. Då Hans Sæteren kjøpte i 1921, fekk han med Gamlesetre som har vore to setrar. Gamlesetre høyrde då til nedre Setre. Den gamle kløvjavegen hit gjekk opp frå øvre Setren, forbi Veslesetre og vidare. Dei slutta med å vera på setra i 1964.

Heimen

Heimen, før også kalla *Seterbrenne,* hadde ei nokså kort tid som plass, frå fyrst i 1860-åra til før 1900. Stugu vart flytta til øvre Setre, og tente som eldhus ei tid før ho vart riven. No er staden tilgrodd. Jordvegen var berre nokre små lappar, og plassfolka onna i skogen.

Det var *Anders Larsson Klauvstad* og *Inger Bertine Andersdotter Roo* som rydda seg inn i Heime. Dei gifta seg i 1863. Frå Heime flytta dei til Sveinsbrøtin under Åse, sjå der. Anders selde plassarbeidet sitt i 1870 for 35 spd. til Gunhild Hansdotter i øvre Setren.

I 1865 hadde Anders og Inger Bertine fôr nok til å fø 1 ku, 4 sauer og 1 geit, og jord til å så 1/4 tønne bygg og setja 1/2 tønne poteter.

Arne Olson Bjødnaskaret gm *Ingebjørg Andersdotter Langedragslie,* sjå Bjødnaskaret 47/9, er nemnde på Tronhussetereige i 1872, som venteleg var Heimen.

I 1875 var *Ola Olson øvre Sørflate* f 1821 d 1891 g 1866 m *Siri Olsdotter Åseneige,* enkje frå Ivarsbrøta, Ellevsbakkatn 13/14, f 1825 d 1912, husmannsfolk. Ola var også dreiar. Ola og Siri er dei siste som er nemnde i Heime. Ved folketeljinga 1891 var dei fattigfolk i Hesjadale. Barn:

1. Olava f 1866 gm Iver Hansson Hansebråten. Dei bygde Nylund i Hølera.
2. Anne f 1869 gm Lars Olson Kløvstad.

Skreddarbrøtin

Nord for tunet i øvre Setren låg Skreddarbrøtin. Her budde ei tid «Skreddaren», Ola Olson frå Massingmoe, og såleis fekk plassen namn. I Skreddarbrøta var det dyrka fleire små åkerstykke, det største ca. 2 da. Plassen var fråflytta før 1900, og er ikkje nemnd i 1875 og seinare. Dei i øvre Setren brukte etterpå staden som beite, og det var gjerde kring innmarka til midt i 1960-åra. Hesten gjekk her i slåttonna, særleg i helgene, og elles når han ikkje var i arbeid. No veks granskogen overalt. Det syner tomter etter stugu, låve og fjøs.

Den einaste kjende husmannsfamilien i Skreddarbrøta er *Ola Olson Ølmhuseige* — «Skreddaren», Massingmoen under Ølmhus, f 1812 d 1870 g 1843 m *Marit Eivindsdotter Ølmhusei-*

ge, Hølersetereige, f 1806. Dei er nemnde på Massingmoe i 1847, men var i Skreddarbrøta i 1865. Barn:

1. Ola f 1841 gm Anne Bjørnsdotter Storsveeige, sjå Klubbeberget under Tronhus.
2. Beret f 1844 d 1873. Beret fekk i 1864 sonen Ole Andreas med Ola Andersson Sandvike. Ole Andreas gifta seg i 1902 med Guri Olsdotter Øilund f 1876. Dei reiste til Amerika.
3. Erik f 1847 gm Anne Mikjelsdotter Steinbrøtin, sjå Tordebrøtahagin 54/3.

I 1865 hadde dei 1 ku, 4 sauer, og sådde 1/4 tønne bygg, 1/8 tønne blandkorn og 1/2 tønne poteter.

Nedre Tronhusseterbrøtin

Nedre Tronhusseterbrøtin, i daglegtale nedre Brøtin, var opphavleg plass under øvre Tronhussetren. I 1800 vart plassen nedre Setre fråseld øvre Setren som eige bruk. Det førte til uvisse om kven som åtte nedre Brøtin. Men ved forlik i 1820 vart eigedomsretten delt. Nedre Setre skulle eige 1/3 og øvre Setre 2/3 i plassen, og leiga delast i same høve. Husmannsfolka fekk difor 1/3 av arbeidsplikta si i nedre og 2/3 i øvre Setren.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Mikjel Andersson Tronhuseige,* Dølvesetre, f 1760 d 1840 g 1782 m *Inger Jonsdotter Garthuseige* f 1753 d 1834. Dei er nemnde på Tronhuseige etter giftarmålet med unnatak av 1785, då Åseneige er oppført som bustad. Barn:

1. Anne f 1783 d 1785.
2. Jøren f 1785 gm Ola Nilsson Åsli, sjå Hølerseterhaugen.
3. Anne f 1788 gm Ola Bjørnson Ølmhuseige, sjå Oppheim 53/33.
4. *Anders* f 1790, neste husmann.
5. Tora f 1793 gm Ola Olson Garthuseige, sjå Trulsebråtån under Garthus.
6. Gunhild f 1797.

I 1817 fekk Anders Mikjelson festesetel for seg og ventande kone av Anders Ellendson i øvre Setren. Så lenge foreldra levde, var arbeidsplikta noko redusert.

I 1825 vart skriftfesta ei avtale mellom Mikjel og sonen Anders. Anders hadde kjøpt arbeidet, bygnings- og rydningsretten til faren. Mikjel ville bruke halve plassen for levetida til seg og kona, og Anders fekk den andre halvdelen. Det vart også avtala om livaure og arveoppgjer.

Anders Mikjelson f 1790 g 1822 m *Kari Arnesdotter Dølveseige,* øvre Dølve, f 1797. Dei reiste til Amerika i 1857. Barn:

1. Inger f 1822 g 1845 m Kristafer Olson Eidseige, Eidsmoen, f 1818. Dei reiste til Amerika i 1852.
2. Tora f 1830, til Amerika 1852.
3. Mikjel f 1833 d 1833.
4. Mikjel f 1835, til Amerika 1857.
5. Anne f 1844, sannsynlegvis også til Amerika 1857.

Husmannsfolk i 1865 var *Timann Gudbrandson nørdre Langedragslie* f 1816 d 1899 g 1844 m *Marit Olsdotter øvre Sørflate* f 1819 d 1884. Dei er nemnde på Sørflaten 1844 og -45, på Vølle under Hafton 1848—57, og på

Tronhussetereige eller i nedre Brøta frå 1860. I 1875 fekk dei husmannskontrakt.

Arbeidsplikta var 6 dagar frå 14. april til slåtten, slå 16 dagar, grava poteter 3 dagar, 6 dagar haustarbeid, 12 dagar vinterarbeid, skjera 6 mål, gjera 6 dagar rakst, lauve 300 kjerv, bera lauv 1 dag og arbeide 1 dag på vegen.

Barn:

1. Ingebjørg f 1844 gm Gul Gulson Gjørud. Ingebjørg fekk i 1870 sonen Olaus med Ole Syverson Kamben, og i 1874 dottera Ingeborg med Ole Syverson Sparkevik. Ingeborg gifta seg i 1897 med Kristoffer Erikson Klemmetsrud, sjå Tæjerud 97/6.
2. Ola f 1845 gm Gunhild Hansdotter øvre Tronhussetre, sjå Tordebrøtin 54/4.
3. Olea f 1848.
4. Olea f 1851 d 1851.
5. *Gudbrand* f 1852, neste husmann.
6. Knut f 1854 gm Inger Oline Iversdotter Ølmhuseige, sjå Ølmhushagin 53/18.
7. Martin f 1857 d 1933 var skomakar. Han budde i ei stugu på Solheim 54/18.
8. Olea f 1860.

I 1865 hadde dei 5 naut, 8 sauer, og sådde 1/4 tønne bygg, 1 1/4 tønne blandkorn, 1/8 tønne erter og 2 1/2 tønner poteter.

Etter foreldra overtok sonen *Gudbrand* f 1852 og verdottera *Inger Nilsdotter Dalslie,* sjå Juve 48/29, og var dei siste husmannsfolka. Dei var her framleis i 1900. I 1901 kjøpte Gudbrand Juve.

I 1921 vart nedre Brøtin utskild saman med øvre Brøtin under namnet Solhaug, bnr. 23 og 24. Nedre Brøtin hadde setra Timannsvøllen.

Hauglund

Hauglund var ei bygsla tomt under øvre Setren, og lå på ein haug. Her budde det folk nokre år frå hundreårsskiftet og framover.

Den som bygde Hauglund, var *Lars Gunderson Iversbråten* f 1860 d 1903, skomakar og snikkar, g 1898 m *Tora Gudbrandsdotter Ølmhuseige,* f 1847 d 1917. Tora var dotter til Gudbrand Arneson Storsvee, sjå Storsvelykkja, og Kari Olsdotter Massingmoen. Fyrste gong hadde Tora vore gm Anders Haraldson Åsen, sjå Moen 55/7.

I 1913 og -15 er *Paul Torsteinson Storbråten* og kona *Kari Andersdotter Hauglund,* sjå nørdre Langbråtån under Sørum, nemnde. Kari var dotter frå det fyrste ekteskapet til Tora Gudbrandsdotter. Paul og Kari flytta frå Hauglund til Skaret, og kom til nørdre Langbråtån under Sørum (Søreng) i 1917.

I 1918, etter at Kari og Paul Storbråten flytta, kom *Arne Gundersson Iversbråten,* f 1863 d 1931, til Hauglund. Arne var bror til førnemnde Lars Gunderson. Seinare var *Maria Nybråten* frå Nybrøta 55/2 her nokre år. Sist i trettiåra vart stugu flytta, og blir brukt som hytte på Ølnessetren.

Nedre Tronhussetre (Nedre Sæteren) bnr. 6

I 1716 er namnet *øvre* Setre brukt, sjå øvre Tronhussetre 54/5. Då må det venteleg også ha vore ei *nedre* Setre. Om ikkje før, så iallfall ikkje lenge et-

ter tok det til å bu folk i nedre Setren.

Ved midten av 1700-talet høyrde nedre Setre til den parten Arne Erikson, sjå Klauvstad, åtte av nørdre Tronhus. Då Arne i 1752 selde garden til broren Anders, tok han unna plassen Setre med tilliggjande rettar. Ein av desse rettane kan ha vore Gamlesetre, som Arne selde til Knut Ellendson Tronhus for 29 rd. i 1753.

I 1755 fekk Anders Ellendson øvre Setre skøyte på denne gardparten, med plassane Klauvstad og nedre Setre. Rimelegvis var det no nedre Setre kom inn under øvre Setren, som plassen vart fråseld i 1800.

Ellend Mikjelson Tronhus, som hadde vore brukar på hovudbølet, kom mogleg til nedre Setre. Han måtte gje frå seg garden på grunn av gjeld. Ved ei sak om Hansebrøtin i 1719 heiter det at Ellend var stemna på bustaden sin, Seter på Tronhuseige. Med mindre Ellend budde hjå bror sin i øvre Setren, må dette vera nedre Setre.

Son og verdotter til Ellend Mikjelson, *Mikjel Ellendson Tronhus* f 1705 g 1731 m *Ingrid Timannsdotter Hølersetre* f 1711, kan også ha budd i nedre Setren. På to tidspunkt i 1731 og -32 heiter det at Mikjel oppheld seg i Hølersetren. I 1733 og -35 er Mikjel og Ingrid kalla Tronhus i kyrkjeboka, men i 1738 Hølersetre. I saka etter bråket på Tronhus i januar 1731, sjå nedafor, er Mikjel derimot omtala som «husmannen Mikkel Erlandsen Seter». Barn som me kjenner:

1. Ola f 1729.
2. Gudbjørg f 1733.
3. Timann f 1735.
4. Ellend f 1738.
5. Ola.

Dei tre brørne Timann, Ellend og Ola drog til sylvverket på Kongsberg. I 1767 og -68 føretok dei som odelsrettshavarar fleire sal og kjøp av partar i Tronhus. Det enda med at dei selde all eigedom og rett, og grunngjev det med at dei ikkje kunne forlata Kongsberg og bergarbeidet.

Mikjel Ellendson og Erik Arneson Tronhus rauk fleire gonger uklåre med einannan.

Til vårtinget 1730 hadde Erik stemna Mikjel med skulding om overfall i Steinsetren og for at Mikjel skulle ha stole eit par skinnbukser. Mikjel møtte ikkje, og saka vart utsett.

Nokså dramatisk var bråket Mikjel stelte i stand i drukkenskap om kveld 7. januar 1731 på Tronhus. Inne i stugu gjekk Mikjel laus på inventar både med kniv og øks. Etter at han vart leidd på dør, fekk døra utvendig og meir til ute gjennomgå før han endeleg forlet garden. Av frykt for kva som kunne hende om Mikjel kom att, tok Erik Tronhus med seg kone og barn og gjekk nordover til Ølmhus, sjølv om det var midnattstid.

Saka om denne hendinga vart fremma både på vår- og sumartinget, utan at Mikjel møtte, men handsama og pådømd på sumartinget. Mikjel vart idømd ei stor bot til kongen, erstatning for skadeverket, og sakskostnad til Erik Tronhus. Kunne Mikjel ikkje betala, skulle han gå i jarn og arbeide på Akershus festning i to år.

Kven som budde i nedre Setren vidare utover 1700-talet, er ikkje kjend. I 1800 må plassen ha stått tom. Då selde Ellend Andersson øvre Setre nedre Setre, rekna som 1/3 av garden, for 290 rd. til versonen Svein Olson. I 1811 vart nedre Setre skyldsett.

Svein Olson søre Torsrud f 1764 d 1810 g 1799 m *Inger Ellendsdotter øvre*

Tronhussetre f 1783 d 1829. Ved skiftet etter Svein i 1811 var bruttoeiga 1055 rd. og nettoeiga 802 rd. Til buet høyrde også halvdelen i Gamlesetren under Storsveen, kjøpt i 1806. Berre eitt av dei seks barna levde opp:

1. Guri f 1799 d 1799.
2. Guri f 1800 d 1801.
3. *Gro* f 1802, eigar frå 1819, gm Embrek Larsson Storøydgardseige, sjå Haftonsbrøtin.
4. Ola f 1805 d 1805.
5. Ellend f 1806 d 1806.
6. Gunhild f 1807 d 1821.

Inger Ellendsdotter g 2. 1811 m *Jakob Østenson Bakke* f 1788. Barn:

1. Anne f 1812.
2. Østen f 1813.
3. Inger f 1817.
4. Anne f 1823 d 1823.
5. Ellend f 1826 d 1827.

I 1819 selde Jakob Østenson for 150 spd. til stedottera *Gro Sveinsdotter* med ventande mann. Halvdelen av parten nedre Setre åtte i Gamlesetren, selde Jakob same år til Erik Olson Tronhuseige for 50 spd. Jakob og Inger budde framleis i nedre Setren, der det var skifte eter Inger i 1829. Bruttoeiga var då berre 41 spd. og gjelda meir, 95 spd.

Jakob Østenson g 2. 1830 m *Marit Olsdotter Lundoeige,* sjå Klubberud under Garthus.

I 1827 selde Embrek Larsson, mannen til Gro Sveinsdotter, for 300 spd. til *Embrek Håvårdson Langøydgarden* — «Øske-Embrek».

Dei me sikkert veit budde i nedre Setre etter Jakob Østenson og Inger Ellendsdotter, er *Hans Ivarson Grimsrudeige* gm *Anne Hallsteinsdotter Storsvee,* sjå Hansebrøtin 54/7. Dei er nemnde i nedre Setren i 1840. Hans Ivarson kjøpte Hansebrøtin i 1848.

I 1846 selde Embrek Håvårdson nedre Setre til *Hans Arneson Åseneige,* Sveinsbrøtin under Åse, f 1800 d 1876 g 1827 m *Kari Ivarsdotter Rustebakkeige,* Vika under Rustebakke, f 1807 d 1892. Dei er nemnde på Åseneige — Høvda — i 1828 og -30. Barn:

1. Gunhild f 1828 g 1. m Ellend Andersson øvre Tronhussetre, g 2. m Ola Timannson nedre Tronhussetebrøtin, sjå Tordebrøtin 54/4.
2. Arne f 1830 d 1831.

I 1850 selde Hans Arneson til versonen Ellend Andersson i øvre Setren. Frå no høyrde nedre Setre ei tid til øvre Setre, men Hans og Kari vart framleis buande og brukte nedre Setre som livaure.

I 1865 hadde dei 6 naut, 10 sauer, 8 geiter, og sådde 1/2 tønne bygg, 2 tønner blandkorn og 3 1/2 tønner poteter.

I 1875 vart nedre Setre utskild frå øvre Setren som bnr. 6, og seld i 1877 av Gunhild Hansdotter til sonen *Hans Erlandson* f 1857. Hans dreiv bruket, og budde her med fleire andre.

I 1900 var Hans Erlandson i Tordebrøta saman med mora Gunhild. Hans og kona *Ingrid Evensdotter Hellandshølen* overtok Tordebrøtin etter Gunhild, sjå Tordebrøtin 54/4.

Ved handelsforlik i 1901 selde Hans Erlandson nedre Setre med Gamlevøllen til broren *Anders Erlandson* i øvre Setren. Anders leidde jorda noko bort til onning, dels budde det også folk i husa.

Bjørn Bjørnson Storsvelykkja gm *Ingebjørg Larsdotter Klauvstad* kom frå Sveinsbrøta til nedre Tronhussetre ca. 1903. Ingebjørg døydde i Setren i 1905.

I 1913, med skøyte i 1921, selde Anders Erlandson nedre Setre til sonen *Eivind Andersson Sæteren f 1886 d 1978 gm Anna Mathea Nathalie Johannesen,* Son, f 1889 d 1966. Eivind Sæteren var lærar ved Hølera skule, i heimekrinsen, i om lag 40 år frå 1913, og hadde sterk interesse for kultur og historie. Barn:

1. Magnhild f 1917 gm Thor Klever, Oslo, busette i Hole.
2. *Arnljot* f 1920, eigar no, gm Rut Bjørneby, Kirkenes, f 1917 d 1984, busette i Hønefoss.
3. Tora f 1922 gm Ole Andreas Haug, sjå Haug 12/20.
4. Eldbjørg f 1926 gm Nils Haugstvedt, Hosanger, busette i Oslo.
5. Knut Bonan f 1926, tvilling med Eldbjørg, gm Ågot Hartvigen, Tovik i Skånland, busette i Hønefoss.

Nedre Setre har 15 da. dyrka jord, 196 da. heimskog og ein sameigeteig på ca. 100 da. Åkernamn er *Halle* og *Gukkubakkin,* sjå Gukku. Husa i dag er våningshus frå 1915, driftsbygning frå 1927 med tilbygg for reiskap 1983, eldhus frå før 1900, tilbygg med skåle 1917 og for elektrisk kappsag 1952, og stabbur frå 1931. Fyrst på 1900-talet hadde nedre Setre desse husa: Stugu, låve, fjøs, stabbur, sumarfjøs, badstugu og fire utlyur. Lyune var *Styggedalslyu,* nord og ned for jordet, *Tjuvelyu,* ned for jordet, ei lyu ved delet mot Tordebrøta, og *Gukkulyu* i sør-austre hjørnet av jordet. Dei gamle lyune vart etter kvart rivne og nytta til ved. I bekken var det flishøvel.

Gukku

Ei solvend hall i innmarka til nedre Setre er kalla *Gukku.* I ettertid har ein meint det kom av at gauken gol i nærleiken tidleg om våren. Her låg ein plass med same namn.

I kyrkjebøker og folketeljingar er plassen ikkje nemnd. Derimot er «Guku» innteikna på kartet frå 1839, litt aust for nedre Setren. I alle høve må han vera tidleg nedlagd.

Klauvstad

Klauvstad er av dei eldste plassane under Tronhus, rydda seinast i 1728. På 1700- og i byrjinga av 1800-talet namnet Klauvstad også brukt i ei vidare tyding, om området i dalbotnen nord for hovudbølet Tronhus.

Frå Rustøen i Liagrenden kom dei fyrste kjende husmannsfolka til Klauvstad, *Aslak Nilsson* gm *Ingebjørg Amundsdotter,* sjå Rustøe 1/8. I saka om Tronhusskogen i 1742 blir det fortalt at Aslak Klauvstad i 1728 hogg tømmer saman med Erik Arneson Tronhus.

I 1739 selde Erik Arneson Klauvstad med Øyvassetre og m.a. Hølerkvernhuset for 80 rd. til sonen *Arne Erikson Tronhus* f 1704 d 1755 på Li i Hedalen g 1726 m *Kari Hansdotter Hansebrøtin* f 1702 d 1783 på Nerby. Dei hadde før budd i Hansebrøta. Barn:

1. Anne f 1727 gm Ola Gudbrandson Bagn, sjå nedre Bagn bruk IIa.
2. Ingrid f 1730.

3. Gunhild f 1733 g 1. m Hallstein Andersson Garthus, sjå under Li, g 2. m Abraham Knutson Nerby.
4. Guri f 1735 d 1738.
5. Erik f 1738 d 1738.
6. Erik f 1739 d 1742.
7. Ola f 1741 d 1742.
8. Erik f 1743 g 1. m Jøren Olsdotter Øyhus, g 2. m Kari Jakobsdotter Storøydgarden, sjå båe gonger nørdre Øyhus 50/14, mogleg g 3. m Marit Hallvorsdotter og husmann under Nerby i 1801.
9. Ola f 1746.
10. Ola f 1750.

Arne Erikson må ha vore ein usedvanleg stridbar kar. Med både den eine og andre rauk han uklår, og pådrog seg ei rekkje stemningar om overlast, slagsmål og overfall. Til sumartinget 1752 var han t.d. stemna for eit slagsmål med Kristafer Gulson Stugarden i eit bryllaup i øvre Tronhussetren. På vintertinget 1747 starta ei lang sak mot Arne for å ha bore føre at han hadde fullmakt frå futen.

Kari Hansdotter g 2. 1756 m *Ola Bjørnson Skanes,* Ringerike.

Anders Ellendson i øvre Setren overtok det av nørdre Tronhus som låg nede i dalen. Det må vera denne parten, no kalla Klauvstad og av skyld 1 skinn, som Anders sel med skøyte i 1759 for 278 rd. til *Anders Erikson Tronhus,* sjå nørdre Tronhus. Skøytet kan ha vore ferda ut på etterskot, for i 1758 skøytte Anders Tronhus Klauvstad for 280 rd. til *Sjugurd Ivarson Erstad.* Sjugurd makeskifta nokre dagar etter Klauvstad og ei seter med Tøstein Tåmåsson Hesthagin mot 2 skinn i Hesthaga, halve Grånlisetre og ei lita seter vest for Skar.

Før Tøstein Tåmåsson kom, kan *Bård Jensson Leikebakke* gm *Ingebjørg Pålsdotter* ha buddd nokre år i Klauvstad. Dei er nemnde under Tronhus 1752—58, men i 1761 i Lundo, sjå Dølveseige. I matrikkelen 1761 er Bård oppført som husmann i Klauvstad.

Ola Kristaferson Øyhus gm *Ingrid Arnesdotter,* sjå Lundoeige, er nemnde på Klauvstad i 1761.

Tøstein Tåmåsson Skar f 1724 d 1766 i Klauvstad g 1747 m *Anne Aslaksdotter søre Brattrud* f 1724. Tøstein kjøpte nørdre Ton av faren i 1745, og familien er nemnd her i 1751. Barn:

1. Siri f 1747 gm Ellev Olson, sjå Ellevsbakkatn 13/14.
2. Aslak f 1751 d 1804.
3. Gjartrud f 1756 gm Tøstein Embrekson Høvseige, sjå Tøsteinsbrenne 1/10.
4. Guri f 1760.

I 1763 selde Tøstein Tåmåsson for 205 rd. til *Anders Ellendson øvre Setre* og broren *Arne Ellendson Hellandshølen.* Tøstein og Anne ville bruke Klauvstad så lenge dei levde. I 1767, sjå nørdre Tronhus, heiter det at Arne eig 1/3 og Anders 2/3 av Klauvstad. At Anders no eig meir, kjem venteleg av at han i 1765 kjøpte det Ola Amundson åtte i Klauvstad, dvs. plassane Gladhaug og Brumoen.

Klauvstad bruk I

I 1780 selde Anders Ellendson øvre Setre den søre delen av setra Smørhølet for 4 rd. til Gudbrand Mikjelson, venteleg Gudbrand Mikjelson Ølmhus-

plassen. I 1781 sel Anders Ellendson 1/2 skinn 3/4 lispund — den søre parten av Klauvstad, slik det går fram av seinare kjelder — for 200 rd. til sonen *Ola Andersson* f 1755 eller -60. I 1793 var Ola død. Då selde broren Ellend ein arvepart for 199 rd. til broren Mikjel Andersson, som åtte den andre halvdelen, og som også må ha arva resten av Klauvstad bruk I.

Av skiftet etter Kari Larsdotter, sjå nedafor, i 1797 går det fram at denne parten, kalla Tordebrøtin, var pantsett til sersjant *Hans Olson Bagn,* sjå Klubbeberget under Tronhus, som brukeleg pant i 16 år frå 1789 for eit lån på 300 rd.

Mikjel Andersson øvre Tronhussetre f 1763 d 1826 g 1. 1785 m *Kari Larsdotter søre Lundatn* f 1766. Ved skiftet etter Kari i 1797 var bruttoeiga 644 rd. og nettoeiga 469 rd. Ved skiftet i Tordebrøta etter Mikjel i 1826 var bruttoeiga 285 spd. og nettoeiga 272 spd. Barn:

1. Gudbjørg f 1786 g 1806 m Ola Olson Fønnhus, sjå Piggemoen under nørdre Fønnhus.
2. Anders f 1789 d ung, fekk skøyte på Tordebrøtin 1809.
3. Ola f 1792 d 1792.
4. *Lars* f 1793 g 1. m Gudbjørg Ellendsdotter, g 2. m Ingrid Olsdotter Bagn, sjå båe gonger Klauvstad og Tordebrøtin.

Mikjel Andersson g 2. 1797 m *Gunhild Olsdotter Øyhus,* Lundoeige, f 1761 d 1842. Barn:

Kari f 1798 gm Gudbrand Arneson Åsli, sjå Hesjadalen 55/8.

I 1809 selde Mikjel 1 lispund 1/3 skinn for 300 rd. til eldste sonen *Anders Mikjelson* f 1789. Delen til Anders er seinare omtala som Tordebrøtin. I 1811 selde han ein annan part, Klauvstad, for 150 rd. til den yngste sonen *Lars Mikjelson.*

I 1812 var det skylddeling mellom parten til Lars og Klauvstad bruk II, som Ola Arneson Hellandshølen hadde kjøpt i 1810. Lars skal ha den søre og Ola den nørdre delen. Av husa skal Ola ha den nørdre stugubygningen, den nørdre bua, halvdelen av fjøset, badstugu og bryggerhuset. Dei andre husa var Lars sine mot at han dreiv fram 10 tylfter hustømmer og 1/2 tylft til låvegolv der Ola skal byggje huset. Lars skal ha setra Smørhølet. Plassen Børthus fekk dei felles. — Den nørdre parten, tilhøyrande Ola Arneson, vart Gladhaug. Her må vel vera gjort endringar i høve til skøytet til Lars i 1811, då plassen Gladhaug var sagt å skulle høyre han til.

Etter kontrakt i 1811 skulle brørne Anders Mikjelson Tordebrøtin og Lars Mikjelson Klauvstad kvar svara halvdelen av livauret til foreldra, som i alt var: 1 1/2 tønne stritt bygg, 1 tønne mellomkorn, 1 kvart tønne rug, 1 kvart tønne malt, 1 kvart tønne salt, 1 vakse slaktenaut annakvart år, og 1 ku og 3 småkrøter skulle stellast. Foreldra kunne opphalde seg hjå den dei fann for godt. På Øyvassetren fekk dei hauste så mykje høy som dei årleg trong til å fø ei ku, eventuelt ta høyet på heimsetra eller i utmarka.

Då Anders Tordebrøtin døydde, vart faren Mikjel Andersson eigar på nytt, og selde i 1822 til sonen Lars Mikjelson.

Klauvstad og Tordebrøtin

Lars Mikjelson Tronhus, Klauvstad bruk I, f 1793 d 1876 g 1. 1814 m *Gudbjørg Ellendsdotter øvre Tronhussetre* f 1792. Dei er oppførte i Klauvstad. Ved skiftet etter Gudbjørg i 1825 var bruttoeiga 569 spd. og nettoeiga 484 spd. I bruttosummen inngjekk Klauvstad av skyld 1/2 skinn, taksert for 150 spd., og Tordebrøtin av skyld 1 lispund, taksert for 250 spd. På skiftet vart fastsett at enkjemannen Lars framleis skulle ha Klauvstad og bruke Tordebrøtin til sonen Mikjel vart 18 år, då Mikjel skulle overta Tordebrøtin. Barn:

1. *Mikjel* f 1818, gm Anne Reiarsdotter Dølve, sjå Tordebrøtin 54/4. Mikjel overtok også Klauvstad frå faren etter ei tid.
2. Anders f 1821 d 1869 av tæring.

Lars Mikjelson g 2. 1825 m *Ingrid Olsdotter Bagn,* Sørbøen 39/1, f 1803 d 1853. Barn:

1. Kari f 1826 gm Hallvor Olson Bagnslie f 1830. Dei fekk dottera Inger i 1856, og reiste til Amerika i 1857.
2. *Ola* f 1828, brukar seinare.
3. Marit f 1830 gm Ola Hallvorson Milevatnet, sjå Hesjadalen 55/8.
4. Ingebjørg f 1832 g 1. m Ola Olson Brue, sjå Heggerud under Mikjelsøydgarde, g 2. m Bjørn Bjørnson Storsveeige, sjå Sveinsbrøtin under Åse.
5. Ola f 1834 gm Anne Gudbrandsdotter Juve, sjå Tordebrøtahagin 54/3.
6. Anne f 1836 d 1836.
7. Svein f 1837 d 1862.
8. Anne f 1839 d 1842.
9. Anders f 1842 d 1842.
10. Anders f 1843 gm Inger Bertine Andersdotter Storsvee, sjå Sveinsbrøtin under Åse.

Mikjel Larsson, sjå Tordebrøtin 54/4, som etter kvart overtok både Tordebrøtin og Klauvstad, selde i 1850 for 550 spd. til *Knut Olson Tronhus.* Knut selde året etter for 200 spd. til faren *Ola Andersson Tronhus.* I 1856 selde Ola Andersson for 1150 spd. til son til Lars Mikjelson, *Ola Larsson Klauvstad.* — Desse sala i 1850-åra står rett nok i motstrid til skiftet etter Ingrid Olsdotter, kona til Lars Mikjelson Klauvstad, i 1853. Her heiter det nemleg at buet eig Klauvstad med Tordebrøtin, taksert for 400 spd. *Ola Larsson Klauvstad* f 1828 d 1890 g 1859 m *Beret Knutsdotter Haslatn,* Haslatn 13/9, f 1832 d 1926. Barn:

1. *Lars* f 1860, neste brukar.
2. Inger f 1862 gm Johannes Mikjelson Steinbrøtin.
3. Anne f 1864 d 1864.
4. Knut f 1865 d 1891, var skomakar.
5. Anne Maria f 1873. Anne Maria fekk i 1895 sonen Anton med Anton Gudbrandson Åseneige. Anton d.y. gm Åsta Andersdotter Skaret, sjå Skoglund 39/64. I 1903 fekk Anne Maria sonen Olaf med Anton Erikson Plassen.

Etter matrikkelførebuinga 1866 hadde Klauvstad og Tordebrøtin 24 mål ganske god åker og dyrka eng, 60 mål steinut slåtteland, frå setrar og utmark kom 40 skippund høy, 7 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast, og dei

lauva 2000 kjerv. I 1865 hadde dei 1 hest, 4 naut, 6 sauer, 6 geiter, og sådde 1/16 tønne rug, 1/4 tønne bygg, 2 tønner blandkorn og 2 1/2 tønner poteter. Familien budde i Klauvstad, medan Tordebrøtin stod tom og vart brukt under øvre Setren.

I 1870 vart Tordebrøtin og Tordebrøtahagin utskilde. Resten av eigedomen vart Klauvstad bnr. 2.

Klauvstad (Kløvstad) bnr. 2

I 1890 selde Beret Knutsdotter til sonen *Lars Olson* f 1860 d 1924 g 1896 m *Anne Olsdotter Åseneige,* Heimen under øvre Tronhussetren, f 1869 d 1957. Barn:

1. Berit f 1897 gm Martin Johansen Granli, Vang på Hedemarken.
2. Olava f 1899 gm Johannes Kristofferson Koppervik, sjå Myrvang 48/46.
3. Sigrid f 1899.
3. Ingrid f 1901.
4. Borghild f 1904.
5. *Ole* f 1906, neste brukar.
6. Anton Ingvald f 1909 d 1985.
7. Olga f 1912 d 1984.

I 1929 fekk *Ole Larsson Kløvstad* f 1906 skøyte av mor si, gm *Magna Gudrun Darell,* Sveinsbrøtin under Åse, f 1926. Barn:

1. Anne Lise f 1944, bur i Oslo. Sonen Terje Nylund bur på Nylund.
2. Gunvor f 1946 gm Rolf Jensen, Bjørgo, bur der.
3. *Ove* f 1951.

Ove Kløvstad f 1951, brukar frå 1983, gm *Berit Karin Johansen,* Brønnøysund, f 1955. Barn:

1. Laila Iren f 1976.
2. Stig Ove f 1980.

Heime er det ca. 25 da. dyrka jord og ca. 35 da. anna innmark. Skog og utmark er 1300 da.

Fram til om lag 1937 var husa våningshus, ei gamal stugu — flytta til Anton Kløvstad, stabbur, låve og fjøs. Midt på tunet var kjelda. Lars Olson f 1860 bygde det nye våningshuset i 1908, og restaurerte bua på Smørhøle i 1922. I 1937 bygde sonen Ole ny driftsbygning, og restaurerte våningshuset i 1938 og -39. Med det vart tunskipnaden endra heilt.

Klauvstad har frå gamalt hatt setra Smørhølet.

Nylund

Bustadhus på ikkje fråskild tomt under Klauvstad, ved den gamle allfarvegen og litt nord for Tordebrøta, bygt av *Iver Hansson Hansebråten* f 1840. Iver var i det andre ekteskapet gm *Olava Olsdotter Iversbråten,* sjå Hansebrøtin 54/7. Ole Larsson Kløvstad kjøpte husa på Nylund i 1936.

Solberg bnr. 38

Solberg og nabotomta Bergheim ligg like ved E 68 sør for Fønnhusbruen, og vart utskilde frå Klauvstad i 1944. *Gustav Adolf Augustson Darell* gm *Anne Marie Olsdotter Hesjadalen* bygde her i 1938. Før hadde dei budd i Sveinsbrøta under Åse, sjå der. Noverande eigar er *Asbjørn Darell.*

Bergheim bnr. 39

Bustadtomt, sjå Solberg 54/38, seld til *Olaf Olson Thomasbråten* f 1890 d 1976 g 1921 m *Bertine Evensdotter Rundbråten,* Rundbrøtin under Steinsetren, f 1880 d 1965. Dei bygde Bergheim i 1943. Barn:

1. Amanda f 1915, bur i Begnadalen, gm Torkil Haugen, Begnadalen, d.
2. *Olaug* f 1921 gm *Oddvar Johansen,* Gjøvik, f 1920. Dei overtok Bergheim.

Tordebrøtin (Tolebråten) bnr. 4

I samsvar med uttala med tjukk l er fyrstelekken vanligvis skriven Tole-. Norske Gaardnavne held mannsnamnet *Tord* for å liggje til grunn. Skrivemåten «Thordbraaten» i livaurskontrakten frå 1811, sjå ovafor, støtter dette. Også forma «Torebraaten» førekjem i eldre skriftlege kjelder.

Tordebrøtin er eit gamalt namn i området nord for hovudbølet Tronhus, m.a. nemnt alt i 1753. Ved tredeling av eigedomen Klauvstad i 1809—11 vart parten Tordebrøtin i 1809 seld av *Mikjel Andersson,* sjå Klauvstad bruk I, til sonen *Anders Mikjelson* f 1789. Anders døydde ung, og faren selde i 1822 Tordebrøtin til den andre sonen *Lars Mikjelson,* som åtte Klauvstad.

På skiftet etter Gudbjørg Ellendsdotter Klauvstad i 1825 vart fastsett at sonen Mikjel skulle ha Tordebrøtin når han vart 18 år. Førebels skulle far til Mikjel, Lars Mikjelson, bruke Tordebrøtin.

Mikjel Larsson Klauvstad, Klauvstad og Tordebrøtin, f 1818 g 1841 m *Anne Reiarsdotter Dølve* f 1822. I 1851 reiste familien til Amerika etter å ha selt eigedomen i 1850, sjå Klauvstad og Tordebrøtin. Barn:

1. Lars f 1843.
2. Ingebjørg f 1847.
3. Reier f 1851.

I 1865 stod Tordebrøtin tom og vart brukt saman med øvre Setren. Eigaren av Klauvstad og Tordebrøtin, *Ola Larsson,* halvbror til Mikjel, budde med familien sin i Klauvstad.

I 1870 vart Tordebrøtin med plassen Tordebrøtahagin utskild frå Klauvstad, men ser ut til å ha vore fråseld før. Tordebrøtin vart seld i 1870 av Ola Larsson, venteleg Ola Larsson d.y., sjå Tordebrøtahagin 54/3, for 550 spd. til *Gunhild Hansdotter,* nedre Tronhussetre 54/6, f 1828 d 1906. I 1875 var ho enkje i øvre Tronhussetren. Gunhild gifta seg i 1877 opp att med *Ola Timannson Setereige,* nedre Tronhusseterbrøtin, f 1845 d 1900. Dei busette seg i Tordebrøta.

I 1883 fekk Ola Timannson skøyte på Tordebrøtahagin bnr. 3, som sidan har høyrt saman med Tordebrøta. Gunhild Hansdotter fekk heimel på bnr. 3 og 4 i 1901.

Anders Ellendson øvre Setre f 1849, eldste sonen til Gunhild, overtok øvre Setre og Tordebrøtin. Den yngre sonen Håns kjøpte nedre Setre av mora i 1877. Seinare flytta Hans til Tordebrøtin, der han var i 1900, og bytte nedre Setre mot Tordebrøtin med broren Anders i øvre Setren. Kona til Hans, Ingrid Evensdotter, fekk heimel på bnr. 3 og 4 i 1937.

Hans Erlandson Sæteren, øvre Tronhussetre 54/5, f 1857 d 1915. Han

Åsslått på setra til Tordebrøtin sist i 1920-åra. Frå venstre: Sigvart Bråten, Hans, Gunhild og Bergit Tolebråten, og Ingrid, mor deira, f Hellandshølen. Ingrid var enkje, og Sigvart var med som slåttekar.

tok namnet Tolebråten. G 1908 m *Ingrid Evensdotter søre Hellandshølen* f 1875 d 1950. Barn:

1. Gunhild f 1909 gm Anton Sørum, Modum.
2. Bergit f 1912 gm Ivar Hansson Hansebråten.
3. *Hans* f 1915, neste brukar.

Hans Hansson Tolebråten f 1915, eigar frå 1937, gm *Thordis Ingjerd Sørum* f 1919. Barn:

1. Inger f 1944.
2. Hans Martin f 1951.

Tordebrøtin har 35 da. dyrka jord og 2400 da. skog og utmark. Mykje stein på jordvegen frå eit ras ovafrå skogen er no fjerna.

Våningshuset frå 1875 vart påbygt i 1942 og restaurert i 1971. Eldre hus var låve med tilbygt vognskjul, fjøs med tilbygd sauehus, grisehus, smiu, eldhus, stabbur og vedskjul. Nytt stabbur og fjøs 1917. Det gamle stabburet og vedskjulet vart rivne i 1940, og lagerskur med sag bygt. I 1959 vart lagerskuret, grisehuset, smiu, eldhuset, låven og fjøset rivne, og ny driftsbygning og nytt stabbur oppsette.

På den eldste setra, Øyvassetre, er det tre tomter etter årebuer. Her er fjøset flytta og bua påbygd i 1947. Setervegen gjekk opp Reistebakkatn, forbi Fakshola, opp Kjerringseiga, over Øyvasshøgde og vidare innover til Reinsjødalen. På heimsetra Fakshola vart

Handelsstaden Lundby før 1940. Nord for butikken ligg uthus, og mot elva pakkbu. I hagen er flaggstong og springvatn. Storvegen går like forbi.

ny bu bygd i 1941 og den gamle riven. Setringa tok slutt på båe setrar i 1949.

Lundby bnr. 15

Like ved Begna, på nedsida av riksvegen, ligg handelsstaden Lundby på tomt utskild frå Tordebrøta i 1891. Det eldste våningshuset vart bygt i 1892. Her vart det drive butikk til 1956, då butikken vart flytta til eit nytt hus, bygt same år. Låven, oppsett ca. 1924, er komen frå Hølt. Til Lundby høyrer ca. 2240 da. skog: Den søre delen av Storlie skog, gnr. 55 bnr. 3, ca. 1200 da., Hagin skog gnr. 53 bnr. 15, og ca. 700 da. i sameiga, kjøpt i 1930—40. Til sameigeskogen høyrer nedre Liasetre. Skogen har gjeve viktig tilskot til inntekta.

Erik Mikkelson Fønhus f 1863, sjå nørdre Fønnhus 56/2, bygde det fyrste huset på Lundby i 1892. Alt same år bytte Erik Lundby med den eldre broren Arne. Arne hadde dårleg helse, og let difor den yngre broren overta nørdre Fønnhus i staden for seg.

Arne Mikkelson Fønhus f 1860 d 1896 g 1893 m *Olave Olsdotter Storsveen* f 1867 d 1948. Barn:

1. Mikkjel f 1894 — forfattaren Mikkjel Fønhus — gm Ragna Margrethe Martinsdotter Frøshaug, sjå Nissebakkin 54/29.
2. *Olaf* f 1895, neste eigar.

Frå oktober 1896 til 1901 vart forretninga driven av eit aksjeselskap. I 1901 overtok *A. Nilsen,* men gjekk konkurs etter kort tid. Aksjeselskapet *Fønhus og Åsen* dreiv nokre år, og overlet til *Andreas Bøleviken.* Han hadde handelen til 1912, då han overlet til Olaf Fønhus.

Olaf Fønhus f 1895 d 1965 dreiv butikken fram til 1965. I 1918 fekk han skøyte på Lundby. Gm *Bergit Stensrud* f 1897 d 1958. Barn:

Agnar Oddgeir f 1934, neste eigar.

Agnar Oddgeir Fønhus f 1934 gm *Bjørg Sørvik,* Valnes i Salten, f 1935. Barn:

1. Berit Helen f 1961.
2. Aud Oddrun f 1964.
3. Bjørn Olaf f 1966.
4. Anny Elisabeth f 1971.

Tordebrøtahagin bnr. 3

Tordebrøtahagin har vore både plass og eige bruk. No står berre lyu att. Stugu vart riven i 1956, fjøset noko før. Innmarka er tilplanta.

Dei fyrste me kjenner i Tordebrøtahaga, er *Ola Eivindson,* Moen 55/7, f 1821 g 1846 m *Beret Ivarsdotter Rustebakkeeige,* Vika under Rustebakke, f 1818. Ola var kalla Tordebrøtaeige ved giftarmålet. I 1851 reiste familien til Amerika. Far til Ola, Eivind Hansson, hadde husrom som legdslem i Tordebrøtahaga i 1865. Barn:

Marit f 1847.

I 1865 budde *Ola Larsson Tordebrøtin,* Klauvstad og Tordebrøtin, f 1834 d 1879 g 1858 m *Anne Gudbrandsdotter Juve,* Juve 48/29, f 1833, i Tordebrøtahaga. Ola var kalla gardbrukar og sjølveigar. Han hadde ikkje tinglyst skøyte, og må vel ha kjøpt av bror sin i Klauvstad, Ola Larsson d.e. Ola og Anne er nemnde både i Tordebrøta og Tordebrøtahaga, og budde i Tordebrøta i 1875. Då stod Tordebrøtahagin tom. Barn:

1. Ingrid f 1858 gm Anders Jonson Landsendhaugen.
2. Lars f 1860 d 1870.
3. Gudbrand f 1862.
4. Tora f 1864.
5. Martin f 1867.
6. Lars f 1871.
7. Ole f 1875.

Buskapen i 1865 var 2 naut og 6 sauer, og dei sådde 1/8 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 1 1/2 tønne poteter.

I 1870 vart Tordebrøtahagin utskild som bnr. 3, og seld i 1883 av Anne Gudbrandsdotter til *Ola Timannson* i Tordebrøta.

Deretter vart Tordebrøta bortsett som husmannsplass. *Erik Olson Åseneige,* Massingmoen under Ølmhus, f 1847 g 1879 m *Anne Mikjelsdotter Steinbrøtin* f 1843, er nemnde i Brøtalie i 1882 og -84. I februar 1887 fekk dei kontrakt på Gullberg, men var ikkje lenge der. Dei er nemnde i Tordebrøtahaga frå 1889, og var her framleis

Nissebakkin i Hølera, heimen til forfattaren Mikkjel Fønhus og Margrethe f Frøshaug.

i 1900. Nokre år etter reiste sønene til Amerika, er det fortalt. Sidan ville foreldra reise over, men omkom då båten forliste. Barn:

1. Ole f 1880.
2. Martin f 1882.
3. Marit f 1884.
4. Iver f 1889, omkom saman med foreldra.

Anne Evensdotter Rundbråten f 1876 d 1955 budde i Tordebrøtahaga ei tid. Ho hadde to søner, Einar og Magne, som båe utvandra til Canada. Ingvald Engen frå Torpa, f 1879 d 1963, budde ei tid saman med Anne. Han var ein av dei siste som gjekk rundt som kræmar og selde småting kring i bygda.

Nissebakkin bnr. 29

I brattlende mot Klauvstad hadde Tordebrøtin ein slått, *Fillebakkin.* Denne kjøpte Mikkjel Fønhus i 1924 og bygde heimen Nissebakkin. Der tunet ligg, var ein dansarfet som ungdomen brukte å samlast på i helgekveldene heilt til staden vart seld. Husa er bygning 1927, låve 1927 og stabbur 1954.

Namnet Nissebakkin har samanheng med den gamle hovudvegen, som til 1890-åra gjekk ca. 50 m høgre opp enn no. Her rådde nissane. Plutselig kunne dei dukke opp og gjera strekar mot ferdafolk. Presten Kaurin var ute for dette. Nissane nappa ut selepinnane og jaga hesten slik at den stakkars presten sat att i kjerra si. Nissebakkin måtte då vera eit høveleg namn, meinte Mikkjel Fønhus.

Til Nissebakkin høyrer jordstykket Langøye ved Begna, gnr. 56 bnr. 2, ca. 2 km lengre sør. Det kjøpte Mikkjel Fønhus i 1921 av onkelen Erik Fønhus. Langøye er på ca. 18 da. Her stod i 1921 ei utlyu. I ca. 1930 bygde Mikkjel Fønhus ei tømra sumarfjøs, som no er flytta på Hedalsfjellet. Til midten av 1960-åra var det dyrka fôr til to kyr på Langøyn, sidan har det vore drive korndyrking. I 1906 fekk Mikkjel og bror hans, Olaf, kjøpe skogen Storlie under gnr. 55 av bestefaren Mikjel Fønhus. I 1929 delte dei skogen. Ca. 1250 da. høyrer til Nissebakkin.

Mikkjel Arneson Fønhus, Lundby 54/14, f 1894 d 1973 g 1934 m *Ragna Margrethe Martinsdotter Frøshaug,* Hof i Vestfold, f 1914. Forfattaren Mikkjel Fønhus utgav vel 40 bøker medan han levde. I tillegg er mange bøker utgjevne etterpå, slik at det i alt er vorte 77 boktitlar. Det meste er natur- og dyreskildringar, men også folkelivsskildringar. Mykje av stoffet fann han i natur, miljø og munnleg tradisjon Sør-Aurdal. Arbeidet med småbruket og i skogen var attåtnæring, og gav avveksling frå forfattarskapen. Barn:

Gudbjørg f 1934 gm Ole Stensrud, sjå Rynning 71/30—32.

Klauvstad bruk II

Då Tøstein Tåmåsson Klauvstad i 1763 selde Klauvstad til brørne *Anders Ellendson* i øvre Setren og *Arne Ellendson* på Hellandshøle, vart Arne eigar av bruk II. I 1764 sette Arne parten bort som brukeleg pant i 15 år.

I 1782 selde *Beret Ellendsdotter,* enkje etter Arne, med sonen Ellend til *Anders Ellendson* for 148 rd. Det vart vist til at parten hadde vore bortpanta, og at dei ikkje var i stand til å innløyse han no.

Anders Ellendson selde få dagar etter i 1782 til sonen *Mikjel Andersson,* sjå Klauvstad bruk I, for 200 rd. Med denne parten av Klauvstad var «hosliggende» Gladhaug. Dette må heilt eller delvis vera eigedomen som *Ola Amundson,* sjå Gladhaug 54/1, selde til Anders Ellendson i 1765, ved skøytet til Ola i 1759 kalla plassane Gladhaug og Brumoen.

I 1810 selde Mikjel Andersson etter forlik halvdelen i Klauvstad for 164 rd. til *Ola Arneson Hellandshølen.* Ola var son til den tidlegare eigaren Arne Ellendson, og det vart vist til skøytet frå mor hans til Anders Ellendson i 1782. Parten til Ola Arneson etter skylddeling i 1812 vart Gladhaug.

Gladhaug bnr. 1

Plassen Gladhaug er nemnd fyrste gong i 1751, då Arne Erikson Tronhus ferda ut bygselsetel til husmannen sin, Arne Arneson, og kona hans for levetida deira, «eller så lenge hun sitter enke.» Den årlege leiga på 3 rd. skulle betalast til Mikkjelsdag (29. september). Husmannen fekk bruke plassen som før, heiter det, og må da ha kome til Gladhaug tidlegare enn 1751.

Dei førnemnde husmannsfolka var mogleg *Arne Arneson,* ved giftarmålet kalla «Langeleed» (Langedrag?) g i Bagn 1749 m *Kari Trondsdotter.* Arne og Kari er nemnde på Tronhuseiga nett i dette tidsromet — i 1750 og -51. I 1749 var dei på Bagn. Barn som me kjenner:

1. Åste f 1749.
2. Trond f 1750.
3. Kari f 1751.

Tøstein Tåmåsson, som i 1758 vart eigar av Klauvstad, selde i 1759 plassane Gladhaug og Brumoen samt ein bråte, Larsbrøtin, og det nedre slettet av Guttormsbrøtin for 110 rd. til *Ola Amundson Brattrud* gm *Raghild Olsdotter Øyhus,* sjå nørdre Brattrud bruk I. Dei er nemnde på Tronhus i 1766 og -70. Sonen Amund f 1750 kom til Eidsbrøtin, som mogleg er Eidsmoen. Ved giftarmålet i 1779 var han kalla Tronhuseige.

I 1765 selde Ola eigedomen for same sum samt 50 rd. for arbeidet, i alt 160 rd., til *Anders Ellendson* i øvre Setren.

Då Anders i 1782 selde ein del av Klauvstad til sonen *Mikjel,* sjå Klauvstad bruk II, høyrde Gladhaug med. Det er ikkje kjent om det no budde folk her.

I 1811 selde Mikjel Andersson ein part av Klauvstad til sonen Lars Mikjelson. Plassen Gladhaug fylgjer med, heiter det. I 1810 hadde Mikjel selt ein annan part av Klauvstad til Ola Arneson Hellandshølen. I 1812 var det skyldeling mellom desse to partane. Ola skulle ha den nørdre og Lars den søre delen. Nokre endringar må ha vore gjort i høve til dei tidlegare skøyta, iallfall var det eigedomen til Ola Arneson som vart heitande Gladhaug.

Ola Arneson Hellandshølen f 1771 d 1855 g 1804 m *Kari Haraldsdotter søre Garthus* f 1785 d 1859. Ved skiftet på Gladhaug i 1859 var bruttoeiga 973 spd. og nettoeiga 912 spd.

I 1838 selde Ola Arneson Gladhaug med setra Lundevøllen for 500 spd. til *Ola Sjugurdson Sørumeige* gm *Gunhild Eivindsdotter Åseneige,* sjå Djupedalen under Sørum. Dei er nemnde på Storsveen 1835 og -38.

I 1839 makeskifta Ola Sjugurdson Gladhaug med *Andreas Hansson Sørum* mot ein part i Sørum.

I juli 1840 var det odelstakst på Gladhaug, innstemna av Mikjel Arneson Hansebrøtahaugen. Taksten vart 800 spd., av det 100 spd. for skogen.

I september 1840, venteleg etter avtale med Mikjel, selde Andreas Hansson for 500 spd. til son til Mikjel, *Ola Mikjelson Hansebrøtahaugen* f 1815 d 1895 g 1841 m *Marit Jonsdotter Roa,* Roa 78/2, f 1820 d 1904. Barn:

1. Mikjel f 1840 d 1901, til Amerika 1866. Var ei tid gullgravar i Alaska.

2. Beret f 1842 d 1910, til Amerika 1866, gm sakførar Teodor Holton.
3. Kari f 1845 d 1903, til Amerika 1869, gm Ola Bårdson Bjørke f 1845.
4. Berte f 1847 d 1903, til Amerika, gm Anders Kobbervik.
5. *Ole* f 1849, neste brukar.
6. Inger f 1852 d 1900, til Amerika 1869, gift Jacobson.
7. Anne f 1854 gm Gudbrand Haraldson Turibrøtin, sjå Ølmhushagin 53/18.
8. Arne f 1859 d 1860.
9. Ingrid f 1861 d 1888 gm Ole Andreas Larsson Tronsehaugen, sjå nørdre Iljanstadhaugen 86/7. Sonen Lars voks opp hjå bestemora i Gladhaug, seinare til Amerika. Der tok han namnet Louis Hougen.

I 1865 makeskifta Ola Mikjelson kvernhuset sitt ved Begna mot Sveasetre med Knut Olson Tronhus.

Etter matrikkelførebuinga 1866 hadde Gladhaug 20 mål noko vassjuk åker og dyrka eng, 50 mål steinut slåtteland, frå Lundevølle og Brøta kom 20 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, 4 tylfter gran- og furutømmer kunne årleg hoggast, dei lauva 1000 kjerv, og garden var noko tungbrukt. I 1865 hadde dei 2 hestar, 6 naut, 17 sauer, 12 geiter, 1 gris, og sådde 1/8 tønne rug, 1/2 tønne bygg, 2 1/2 tønner blandkorn, 1/2 tønne erter og 5 tønner poteter.

Ola Mikjelson selde i 1893 til sonen *Ole Olson* f 1849 d 1934 g 1894 m *Berit Eriksdotter Sørli,* Sørli 49/4, f 1873 d 1957. Barn:

1. Marit f 1895. Var mest heime, pleide mora som låg til sengs i 17 år.
2. *Olav* f 1898, neste brukar.
3. Tora f 1900 d 1976. Var kokke i Oslo i 30 år.
4. Einar f 1903 gm Gudrun Olsdotter Tronsplass, sjå søre Vøll 32/7.
5. Mikael f 1905, prest, m.a. sokneprest i Nordre Land og prost i Hadeland og Land, gm Gerda Hansen frå Horten.
6. Sigurd f 1907 d 1940 av skade under krigen. Var overrettssakførar på Fagernes.
7. Bertha f 1907, tvilling med Sigurd, d 1977, styrar for Valdres Husflid, Fagernes. Gm Olav Bø, Fagernes.
8. Arne f 1909, styrar for Statens kornforretning, Hamar, gm Eva Prydz, Rygge i Østfold.
9. Ottar f 1911 d 1976 av skogsulykke, skogstyrar på Nes i Ådal, gm Gunborg Ildjarnstad. Ottar fekk bruket Gladhauglie.
10. Sigrid f 1913 gm Jørgen Braskerud, Dokka.
11. Bjarne Oddgeir f 1919, skogstyrar hjå Mathiesen, Eidsvoll, gm Signe Kirkevoll, Nes i Ådal.

Olav O. Gladhaug f 1898 d 1973, eigar 1926—62, gm *Kari Thomasdotter Langedrag* f 1902. Barn:

1. *Ola* f 1937, neste eigar.
2. Berit Karin f 1939 gm Elias Arnljot Sæverås, Sæveråsvåg ved Bergen.
3. Thomas f 1940 gm Hanna Torunn Høydalen, Lunde i Telemark, busette på Leira.
4. Ingvar f 1942 gm Olea A. Brænden, sjå søre Vøll 32/7.
5. Sverre f 1946 gm Gunn Odveig A. Lundene, busette i Oslo.

Ola O. Gladhaug f 1937, eigar frå

1962, gm *Anne Kristine Framstad,* Heggenes, f 1940. I tillegg til garden driv Ola Gladhaug også Gladhaug Maskinsalg i «Briskebye». Barn:

1. Karin Olaug f 1962.
2. Oddveig f 1965.
3. May-Britt f 1972.
4. Ole Kristian f 1977.

Gladhaug har 65 da. innmark og 1100 da. skog og utmark. Gamle namn er *Moåker'n, Låveåker'n, Amerikaåker'n, Moen, Myre, Kvednåker'n, Eldhusbakkin, Gladhaugåker'n, Gladhaugbakkin, Klauvstaddokke* og *Børthus* eller *Aspelundhalle,* sjå eige avsnitt Børthus. Den gamle allfarvegen gjekk opp Nylundbakkin og ovafor Fløtahølbergatn, nedst på Gladhaugjorde.

Husa er våningshus 1962, driftsbygning, stabbur 1840, livaursstugu 1840, smiu, eldhus, og sag 1948. Kring 1950 fanst fleire mindre hus, m.a. fjøs, stall og småkrøterhus, som alle er rivne.

Setra Lundevøllen vart kjøpt i 1913 av Anton Olson Storsveen. Sveasetre var gjeve til brør til Ola Gladhaug i 1961. Seterdrifta på Lundevølle tok slutt i 1957.

Solheim bnr. 18

På ei tomt under Gladhaug bygde *Martin Tidemanson,* nedre Seterbrøtin, f 1857 d 1933 ei stugu i 1904. Martin dreiv som skomakar. Staden kalla han Solheim, og tok sjølv same namn. I 1913 fekk han kjøpe ca. 2 da. tomt til huset, og tomta vart utskild same år.

I 1930 kjøpte *Arne Olson Tronsplass* gm *Ingrid Olsdotter Hesjadalen,* sjå Hesjadalen 55/8, av Martin. Martin ville ha rett til å bruke det nørdre rommet.

Arne Tronsplass selde i 1946 til broren *Ole Olson Tronsplass* f 1904 d 1977 gm *Olga Olsdotter Hesjadalen* f 1905. Ole var skogsstyrar og ein ivrig jeger. Barn:

Ola f 1935 gm Kari Øyhus. Ola Tronsplass driv bulldosarfirma.

Øymoen bnr. 19

Øymoen er ei hustomt med nesten bare berg og svært lite jord. Eldre folk har meint at her bygde fyrst ein som kalla seg «Vondingen», men som eigentleg var både snill og omgjengeleg. Namnet hans var *Andreas Trondson.* Han var frå Frydenlundeige — Bakkatn i Aurdal, og f ca. 1845.

Tradisjonen om Andreas på Øymoe ser ut til å stemme. I 1891 er han og den fyrste kona, *Beret Olsdotter Framgardsbakkatn,* Ellevsbakkatn 13/14, f 1833 d 1896, oppførte på ein stad under Gladhaug. Andreas var jordbruksarbeidar. Hjå dei losjerte Anne Sjugurdsdotter, som var enkje og gjekk ikring og tagg til livsopphald. I 1875 budde Andreas og Beret i Brøtalien under Åse. Beret fekk i 1857 sonen Anders med Harald Andersson Smedsrud. I 1865 hadde Beret og Anders husrom i Ivarsbrøta hjå Siri, syster til Beret. Beret livnærte seg og sonen ved å baka. Anders gifta seg med Tora Gudbrandsdotter Ølmhuseige, sjå Moen 55/7. Då Beret døydde, var bustaden kalla Berget. Det var vel helst den berglendte tomta på Gladhaugseiga.

Iallfall budde Andreas og den andre kona hans, *Kristine Olsdotter* frå Lussiplasse, sjå Liamyre 47/8, ei tid på Øymoe. Dei gifta seg i 1896, og er nemnde på Øymoe i 1900.

I 1913 vart Øymoen utskild frå Gladhaug, og seld av Ole Gladhaug til *Kristian Olson Øimoen,* sjå Sveriplassen 50/32, f 1879 d 1968. Kristian hadde vore ei tid i Amerika. Far til Kristian, Ola Kristianson, døydde på Øymoe i 1918.

I 1963 kjøpte *Ingvar Gladhaug* av Kristian Øymoen.

Hølera Bedehus bnr. 26

I 1897 gav Ole O. Gladhaug ca. 1 da. tomt ved Hølera til eit misjonshus og ein stall samt adgang til vatn frå Hølerun. Tomta vart utskild i 1921.

Hølera skule bnr. 28

I samband med skulekrinsreguleringa i slutten av 1870-åra vart det bygt nytt skulehus ved Hølera. Tomta vart utskild frå Gladhaug i 1922. No er skulebygningen grendehus.

Fosheim bnr. 31

I 1933 kjøpte *Anne Marie Langedal,* Gullberg 56/9, f 1875 d 1958, ei tomt frå Gladhaug, utskild same år, på nordsida av bedehuset. Her bygde ho Fosheim. Foreldra hennar flytta frå Gullberg til Åmot. Anne Marie var gm Ole Langedal frå Rust i Etnedal, og var lærar i Rust krins. Då mannen døydde i 1930, selde Anne Marie garden Langedal og flytta attende til Sør-Aurdal.

I 1959 kjøpte systerdottera *Kari Thomasbråten* f 1906, staden. Ho var enkje etter Anton Thomasbråten. Kari budde på Fosheim saman med systera Magnhild Aamot f 1903.

Gladhauglie bnr. 14

I lia nokre hundre meter opp for Gladhaug låg plassen Lie. Dei fyrste me kjenner her er *Hallvor Erikson Tronhuseige* gm *Beret Eriksdotter Hellandshølen.* Dei er nemnde på Klauvstadeige frå 1827, men i 1839 på Gladhaugeige. Mogleg budde dei heile tida i Lien, ettersom Gladhaug også kunne bli kalla Klauvstad i dette tidsrommet. Elles må dei ha flytta frå Børthus, der Beret ser ut til å ha vakse opp, til Lie. I 1841 kjøpte Hallvor Køldokke 48/7, sjå der.

I 1864—66 er *Mons Gulson Steinbrøtin* gm *Ingebjørg Olsdotter Langedragseige* nemnde i Gladhauglien. Dei budde i Langedragslien i 1862, og var i 1868 komne til Steinbrøtin, sjå Hølt 54/33.

Buskapen i 1865 var 2 naut, 2 sauer og 2 geiter, og dei sådde 1/2 tønne blandkorn og 1 1/2 tønne poteter.

I 1875 er Gladhauglie ikkje nemnd. Men i 1889 vart plassen utskild og seld same år for 800 kroner til *Lars Larsson,* f i Sverige ca. 1845 gm *Kristine Olofsdotter,* også svensk, f ca. 1840. Dei er innførte som innflytta frå Odalen i 1887, og kom til Gladhauglie. Lars var murar. I 1891 hadde dei barna

1. Johan Emil f ca. 1874.
2. Karl Ludvig f ca. 1880 og
3. Karoline Gustava f ca. 1883.

Familien vart ikkje lenge i Lien, for alt i 1892 selde Lars Larsson att til Ole Olsen Gladhaug.

I 1900 hadde *Siri Olsdotter* og dottera hennar, *Olava,* husrom i Lien, sjå Heimen under øvre Tronhussetren. Dei er dei siste som budde her.

I 1937 selde Berit Gladhaug Lie til sonen *Ottar* f 1911. Husa var stugu og fjøs. No er staden attgrodd.

Børthus

Plassen Børthus låg også ovafor Gladhaug, men ikkje så langt opp som Lie. Børthus vart tidleg nedlagd, og er ikkje nemnd i folketeljinga 1865 eller seinare. Ved skylddelinga mellom Gladhaug og Klauvstad i 1812 heiter det at båe skal ha halvdelen av det som var inngjerda på Børthus.

I 1807 fekk Erik Nilsson Tronhuseige og kona festesetel for levetida si på plassen Børthus av Mikjel Andersson Klauvstad. Nilsson må nok vera feilskriven for Olson, for i delinga i 1812 er opplyst at Erik Olson og kona hans bur for levetida i Børthus.

Erik åtte sjølv plassarbeidet, noko som tyder at dei må ha vore her ei tid før 1807. Leiga vart fastsett til 2 rd. 3 ort, som skulle betalast ved å slå for 1 rd. 2 ort, skjera for 1 rd. og den siste orten på annan måte. Med plassen fylgde to utmarkssslette: *Larsebrøtin* og eit *Storlyuslette.*

I 1817 fekk Erik Olson og kona, venteleg den same Erik, festesetel av Ola Arneson Gladhaug på Børthus. Leiga var sumararbeid med slått og skur for 3 rd. og vår- og haustarbeid for 2 1/2 rd. Slåttelanda Larsebrøtin og Storlyuslettet er nemnde også no.

Erik Olson kan ha vore den *Erik Olson* som i 1822, då kalla Tronhuseige, kjøpte Hellandshølen samen med Trond Olson, sjå Hellandshølen bruk B. Erik og kona *Gjartrud Olsdotter* er nemnde på Ølmhuseige 1799—1803, men på Tronhuseige frå 1809.

Dei siste me kjenner i Børthus, er *Hans Eivindson* gm *Inger Hansdotter,* sjå Gullberg 56/9. Dei er nemnde her i 1844.

Brumoen

Brumoen er nemnd ved midten av 1700-talet, og låg etter namnet å døme like ved brua over Hølera. Kan hende var bustaden ikkje stort meir enn ei stugu.

I 1751 fekk Anders Arneson og kona hans festesetel av Arne Erikson Tronhus på eit husvære, Brumoen, for 3 rd. i årleg leige. Anders er kan hende den *Anders Arneson Bagn* som saman med kona *Anne Nilsdotter* er nemnd på Tronhus i 1752, sjå Dølvesetre. Dei var foreldre til Mikjel Andersson i nedre Tronhusseterbrøta.

Brumoen er også nemnd i skøytet til Ola Amundson Brattrud i 1759, som då kjøpte plassane Gladhaug og Brumoen. Seinare høyrer me ikkje meir om denne staden.

Tronhuseige

Tåmås Steinarson gm *Siri Håvårdsdotter* er nemnde som husmannsfolk under Tronhus i 1730-åra til 1740, sjå Tåmåsbrøtin under Steinsetren.

Eivind Hansson Rustebakke, sjå under Rustebakke, f 1706 g 1746 m *Jøren*

Jonsdotter, kan hende frå Li og f 1717, d 1802 på Storøydgardseige. Dei er nemnde på Tronhuseiga 1747—60, på Garthus 1751. Barn som me kjenner:

1. Ola f 1747 g 1. m Marit Olsdotter Storøydgardseige, g 2. m Kjersti Sjugurdsdotter Lundeeige, Bruflat, sjå båe gonger nedre Storøydgardseige.
2. Beret f 1749 gm Lars Vilhelmson Bagnseige, sjå Øyhuseige.
3. Ellend f 1751.
4. Hans f 1755 gm Gunhild Ivarsdotter, sjå Ølmhuseige.
5. Anders f 1757 gm Gunhild Olsdotter Storøydgarden, sjå Eivindsplassen under Ølmhus. Anders var kalla Skarasetre ved giftarmålet i 1778. Kan foreldra då ha budd der, i Eivindsplasse under Skarasetren, i så fall oppkalla etter Eivind Hansson?
6. Kjersti f 1760.

Ola Arneson Åsen g 1756 m *Beret Sveinsdotter.* Dei er nemnde i Åse 1756—62, og på Tronhuseiga 1766 og -67. Barn i desse åra:

1. Gunhild f 1756.
2. Arne f 1758.
3. Svein f 1762 gm Gunhild Arnesdotter Tronhus, sjå Sveinedokke under Langedrag.
4. Tøren f 1766.
5. Anne f 1767.

Anders Olson Eid eller *Rundhaug* fekk i 1771 sonen Erik med *Anne Andersdotter Tronhuseige.*

Ola Olson Tronhuseige fekk i 1771 sonen Ola med *Gunhild Hallvorsdotter Dølveseige.*

Ola Olson Tronhus, mogleg Langbrøtin av Tronhus (Storsvee) og f 1755, d 1838 som legdsfattig på Tronhuseige g 1778 m *Ingrid Bjørnsdotter,* etter alderen kan hende dotter til Bjørn Jørgenson og Siri Eriksdotter Grøv og f 1755, d 1840. Dei er nemnde på Tronhuseige i 1793, og var husmannsfolk her i 1801. Barn:

Gunhild f 1793 g 1. m Arne Ellendson Åseneige, g 2. m Harald Knutson Gudmundslie, sjå båe gonger Gudmundslie 22/16, g 3. m Harald Olson Velingsrud, sjå der.

I 1787 fekk *Arne Andersson Tronhuseige* og *Gudbjørg Arnesdotter Tronhuseige* dottera Anne.

Ola Kristaferson Tronhus, Ølmhuseige, f 1759 mogleg d 1818 g 1791 m *Ingebjørg Høljesdotter,* Flatseige, f på Tronhus 1769 mogleg d 1854. Dei var i 1790-åra og i 1801 husmannsfolk på Tronhuseiga. Barn:

1. Gjartrud f 1793 gm Andreas Bjørnson Hølersetereige, sjå Gunhildbrøtin under Hølersetren.
2. Hølje f 1795 gm Ingrid Arnesdotter Storøydgardseige, sjå Liatn under Øyhus.

Arne Andersson Tronhuseige, Dølvesetre, f 1746 d 1795 på Tronhuseige

g 1793 m *Gudbjørg Jonsdotter Garthuseige* f 1767. Barn:

Jon f 1794, må vera d liten.

Gudbjørg Jonsdotter g 2. 1799 m *Ola Trondson Dølveseige,* sjå der.

Østen Olson «Leeren», mogleg frå ein plass under Grimsrud og f 1734, d 1795 på Tronhuseige g 1767 m *Kjersti Eivindsdotter Piltingsrud,* vestre Piltingsrudeige, f 1742 d 1826. I 1766 er båe oppførte under vestre Piltingsrud. I 1767 var dei på Grimsrudeige, er nemnde på Tronhuseige 1770 og på Åseneige 1775, -78 og -81. Seinare i 1780-åra er dei nemnde på Tronhuseige, og var husmannsfolk under Storsveen — under den del i Tronhus som tilhøyrer Mikjel Eid, heiter det i 1794. I 1801 er bustaden oppført som hus utan jord. Barn:

1. Ola f 1767 d 1770.
2. Olea f 1770 kan hende d 1771.
3. Olea f 1775.
4. Anne f 1778 d 1867.
5. Ola f 1781 d 1786.

Ola Tåmåsson gm *Sofie Arnesdotter* er nemnde på Tronhuseige i 1830-åra, sjå Moen 55/7.

Tronhussetereige

Ola Larsson og *Marit Sjugurdsdotter* er nemnde på Tronhussetereige 1834 og -37, sjå Lindokke under Steinsetren.

Tronhus, ukjend bustad

I 1717 fekk *Ola Person Roterud* frå Biri sonen Arne med *Beret Arnesdotter,* som heldt til på Tronhus. Kan hende er dette den same Ola Person som i 1729 fekk dottera Olaug på Tronhus, og som enkjemann gifta seg i 1733 med *Anne Johansdotter Granum.* I 1741 gifta ein Ola Person seg med *Siri Torkjellsdotter,* enkje frå Vadhammeren. Siri hadde før vore gift med Anders Olson Sørum. Ola og Siri fekk i 1741 dottera Kari på Tronhus.

Helge Bjørnson Tronhus, trulova Grimsrud, gifta seg i 1723 med *Ragnhild Persdotter.*

Gullik Knutson Eid gm *Ågot Arnesdotter* er nemnde på Tronhus i byrjinga av 1720-åra, sjå under Eid.

Pål Tronhus fekk i 1724 dottera Ingrid.

Guttorm Håvårdson Eid, Bakke, f 1708 g 1736 m *Guri Timannsdotter Hølersetre* f 1709, er nemnde på Tronhus 1738 og -41. Barn desse åra:

1. Håvård f 1738.
2. Ingrid f 1741.

Nils Arneson Tronhus fekk i 1751 sonen Arne med *Barbro Sveinsdotter Ulnes.* Nils kan vel vera den Nils Arneson som på Tronhus i 1753 fekk sonen Gudbrand med Tøren (Taran) Pers-

dotter. Gudbrand mogleg gm Gudbjørg Andersdotter, sjå Strømmenseige.

Mikjel Olson og *Marit Eriksdotter* fekk i 1753 sonen Østen på Tronhus.

Tore Ivarson Bagn g 1750 m *Kari Narvesdotter* er nemnde på Tronhus 1754 og -56, på Bagn 1750 og -58, og på Torsrud 1752. Barn desse åra:

1. Anne f 1750.
2. Narve f 1752.
3. Marit f 1754.
4. Inger f 1756.
5. Ivar f 1758.

Kristafer Høljeson Hølle gm *Gjartrud Olsdotter* er nemnde på Tronhus 1756 og vel også i 1759. I 1766 var dei ein stad under Åse, sjå Ølmhuseige.

Ola Olson Lineikro g 2. 1744 m *Marit Eriksdotter* er nemnde i Lineikro 1744, på Eid 1746 og -50, og på Tronhus 1757og -60. Barn denne tida:

1. Marit f 1744.
2. Ola f 1746.
3. Erik f 1750.
4. Kristafer f 1757.
5. Ola f 1760.

Ola Amundson Tronhus fekk i 1757 sonen Lars med *Ingebjørg Ivarsdotter Li.*

Ola Andersson g 1749 m *Beret Håvårdsdotter Bagn* er nemnde på Bagn 1750 og på Tronhus 1759. Barn desse åra:

1. Barbro f 1750.
2. Beret f 1759.

Ivar Olson gm *Åste Arnesdotter* er nemnde på Tronhus i 1760. Barn som me kjenner:

Arne f 1760 gm Kjersti Ivarsdotter, sjå øvre Tronhuseterbrøtin.

Knut Gudbrandson Bruflat g 1770 m *Marit Olsdotter Tronhus.*

Tåmås Tøsteinson Steinseteige g 1774 m *Anne Andersdotter Tronhus.*

Arne Hansson Juveseige, Nord-Aurdal, fekk i 1867 dottera Inger Oline med *Tøren Embreksdotter Tronhussetre.*

Åsen

Gamalt matrikkelnr. 164, gamal skyld 2 skinn, frå 1725 3 skinn, frå 1744 3 skinn 2 lispund tunge.
1838: **Matrikkelnr. 52, ny skyld (med Køllseter) 5 dalar 3 ort 22 skilling.**
1888: **Gardsnr. 55, skyld 16 mark 71 øyre.**

Nord for Garthus skjer eit dalsøkk seg inn i åsen på vestsida av Begna. Øvst i dette søkket, som stig frå sør mot nord, ligg Åsen, 540 m o.h. Garden er omgjeven av skog, og har innmarka ned for tunet i ei lun, sørvestvend hall. Jordsmonnet er morenejord og stein med noko leire.

Etter matrikkelen er gardsnamnet Tronhusåsen, men i daglegtale blir berre Åsen brukt. Ingenting tyder på at Åsen har høyrt til Tronhus, så grunnen til samanstillinga Tronhusåsen ligg nok i geografien: Litt sør for Tronhus ragar Tronhusknatten til vers. På same vis kunne åsen bak Tronhus venteleg omtalast som Tronhusåsen, og derifrå var ikkje vegen lang til å knyte åsnamnet til garden. Nemninga *øvre Tronhus,* som førekjem i eldre tid, vitnar likeins om at Åsen har vore sett i høve til Tronhus nede i dalbotnen. Eldst av desse namna må øvre Tronhus vera, skal ein døme etter eit skøyte i 1699. Då sel Gerhard Treschow «Aasen, tilforn Øfre Tronhuus kaldet».

I tillegg til Åsen, Tronhusåsen og øvre Tronhus, er også namnet Skår nytta. T.d. i matrikkelen 1670 heiter garden «Øffre Trondhuus eller Schaar». Etter ei tid gjekk Skår ut av bruk. Årsaka er truleg at me har å gjera med to namnetradisjonar frå ulike alderslag. Som namnetype er Åsen, med bunden form, yngre enn det ubundne naturnamnet Skår. Skår kan vera frå gamalnorsk tid eller er endå eldre, medan Åsen har form i samsvar med namnelagingsskikken frå tida etter reformasjonen.

Ut frå språklege kjenneteikn ser såleis namnet Skår ut til å vera eldst. Rimelegvis går det heilt attende til ryddingstida. Skår kjem av gamalnorsk *skǫr* f., som tyder avsats i ei fjellside, i eldre tid også skar, revne eller senkning. Denne siste tydinga høver nok best, og må vise til dalsenkninga omtala ovafor. Namna med tilknyting til Tronhus kan derimot representere ei ny oppfatning frå nord av garden oppe i åsen. Er dette rett, ligg nok årsaka helst i den lange øydetida. I det driftsmessige tomrommet som oppstod på øydegardane, kom ein del mellomaldernamn heilt ut av bruk. For Skår/Åsen synest den gamle namnetradisjonen enno å ha vore i live på 1600-talet. Men tradisjonen må ha vore svekka, og vart til sist trengd til side av ein ny og meir livskraftig namnebruk.

Åsen grensar i nord mot Tronhus og i sør mot Garthus. Ein dom i 1720 fann at delet mellom Åsen og Tronhus skulle gå fram til austsida av Øykjevatne, medan marka vest- og nordafor var felles i samsvar med skylda. Nokre år seinare vart likevel delet gått opp vidare frå Øykjevatne og heilt til Muggedøla, slik det er fastsett i delekontrakten mellom Åsen og Tronhus 8. november 1728. Ved dom i 1730 mista Tronhus skogen vest for Øykjevassbekke til sameiga, medan Åsen fekk ha sin etter

Garden Åsen, i eldre tid Skår, ligg fritt og høgt i skogen oppe i åsen vest for Begna med innmarka i sørvestvend helling ned frå tunet. Åsen er hovudbølet i Åsebygden, som i eldre tid omfatta garden og åtte husmannsplassar — «eit lite kongerike før se sjøl», skriv Oswald Garthus i Valdres 24.4.1926. Fotografiet er frå 1957.

kontrakten frå 1728. Sjå meir om desse delesakene under Tronhus. Delet frå 1728 har sidan vore dele for Åseskogen i nord — til Øykjevassbekken mot Tronhus og frå Øykjevassbekke til Muggedøla mot Bagn og Reinli sameige — med unnatak av at Storlie vart seld i 1803. Når Åsen i motsetnad til Tronhus ikkje har del i sameiga, heng det mogleg saman med utfallet av saka i 1730.

Mellom Åsen og nørdre Garthus vart grensa fastsett ved kontrakt av 19. juni 1715. Her hadde det ikkje vore noko eigentleg dele før. Arne Andersson Åsen og Ellend Østenson Garthus fann difor at det var på tide å få gått opp grensa, både for å førebyggje tvist mellom gardane, og for at kvar kunne veta kva som var sitt og bruke det utan påtale. Gardane fekk behalde setrane sine slik dei hadde vore brukt frå gamalt. Arne Åsen skulle framleis ha tredelen i eit sagfall med nyleg oppbygd sag på grunnen til Garthus, som han sjølv hadde kosta. Delet har sidan vore som kontrakten opplyser.

I september 1719 var det åstadsak ved Øyvassløken. Løken er i dag namnet på bekken som renn utover frå Vesle-Øyvatne. Anne Olsdotter Åsen, som var enkje, hadde innstemna Østen Andersson nørdre Garthus, far til Ellend Østenson, og sonen Jon Østenson søndre Garthus for ulovleg

hogst i skogen som høyrde Åsen til etter delekontrakten frå 1715. Østen og Jon hadde stemna imot. Vitne for Anne fortalde at for 17 år sidan — i 1702 — tok Ola Ølmhus, som landherre for Åsen, og Mikjel Tronhus til å hogge i desse omtvista markene. Mikjel Tronhus byrja å hogge ved Muggedøla, tett nordafor Skarbekke. Ola Ølmhus protesterte, og dei vart einige om at området skulle høyre til Åsen.

For Østen og Jon Garthus vitna m.a. Kari Nilsdotter Rustebakkeige, nesten 70 år gamal og dotter til avlidne Nils Åsen. Nils meinte ikkje å eige lengre enn til det ytre oset i øvre Øyvatne, sa Kari. Nils døydde for om lag 36 år sidan. Av vitneprova går det fram at det iallfall ikkje var drive hogst før 1680, og på andre måtar var utmarka gjennom lang tid brukt i fellesskap. Jon Person Piltingsrud, nesten 80 år gamal, fortalde at for om lag 40 år sidan hadde far hans, Per Piltingsrud, Anders Haugsrud, som brukte Garthus, og Østen Garthus, dyrefeller og «Lee» — mogleg jaktskjul — ved Reinsjøkøllin og aust til Øyvatnet, der dei kunne finne dyr gåande i liene, og heldt det for felles mark seg imellom. Men dei frå Åse og Tronhus hadde jakt- og fangstmarker nordafor Reinsjøkølla og like til Teinevatnet. Sjugurd Person, 36 år, som tente på Garthus til for seks år sidan, fortalde at Garthus-brukarane hadde slåttemyrer, hamne og setrar i marka, og tømmerdammar i øvre og nedre Øyvatne. Ola Jonson Tollevsrud, som ikkje møtte fordi han var gamal og skrøpeleg, fekk vitneprovet sitt framført av andre. Ola opplyste at bestefar hans, Ola Tollevsrud, hadde fangsttraktene, mårfellene og fuglesnarene sine i desse omtvista markene under og over Reinsjøkølla, og likeins far hans, Jon Tollevsrud, og hans sjølv deretter.

Etter synfaring kom Østen Garthus med sønene Ellend og Jon til forlik med Anne Åsen. Delet mellom Åsen og nørdre og søre Garthus når det galdt hogst, skulle vera som i kontrakten fra 1715. For setrar, seterhamne, dyrefeller, fuglefangst og fiske, skulle dei som før nytta området i fellesskap. Østen og Jon Garthus skulle betala sakskostnad til lagretten, og Anne Åsen til sorenskrivaren.

Ved graving i 1972 i oset ved Vesle-Øyvatnet for å støype bru, kom det fram rester etter ein tømmerdam. Det kan vera den eine dammen som Sjugurd Person fortel om i 1719. Tradisjonen seier at det skal ha vore fløytt tømmer gjennom Øyvatna og vidare etter Løken. Før bekken stupar ende ned utover Muggedalslie, tok dei vel tømmeret att og køyrde det med hest ned til Begna.

Fleire tilhøve peikar mot at Åsen må ha vore rydda før 1350, sjå også ovafor og avsnittet Eigarar. Etter lægjet noko utanom hovudbygda høyrer Åsen venteleg til dei yngre gardane frå gamalnorsk tid, om lag på line med Skar øvst i Vestre Bagn. Som så mange andre gardar låg Åsen øyde i seinmellomalderen. Ny busetnad etter øydetida kom på midten av 1600-talet. Åsen vart då skattemessig klassifisert i den lægste skatteklassa som rydningsplass.

Tiende *1661:* 1 setting bygg. Matrikkel *1723:* Garden har skog til husbehov, og årleg kan avvirkast 3—4 tylfter sagtømmer av gran. Det er seter i heimrasta der ein kan avle 1—2 lass høy, og flaumkvern. Kverna låg truleg i Saglibekke, der det var oppgangssag saman med nørdre Garthus. Åsen ligg høgt på skarplendt jord, er tungbrukt og gjev uviss kornavling. Skyldsetjing *1744:* Åsen har no ei skyld av 3 skinn etter at 1 skinn var pålagd ved skyldsetjingsforretning i oktober 1725. Dette skinnet omfatta plassen Brøtin og ein del åker som oppsitjaren Anders Gunnarson sjølv hadde rydda «av rå rot». I Åse vart no årleg sådd 2 1/2

tønner stritt bygg og 1/2 tønne havre, og det vart fødd 1 hest, 5 kyr, 5 kviger og 20 småkrøter. Åsen med plassen Brøtin har 9 mål åker på god moldjord, som likevel er frostlendt og ligg på ei høg åsmark. Enga er ikkje stor og ikkje heller fruktbar, og moselendet magert. Skogen er ikkje stor, men i temmeleg god tilstand. Her finst likevel ikkje annan last enn ein del grantre til sagtømmer. Skyldsetjingskommisjonen fann at Åsen kunne tåla ei skyldauke på 2 lispund tunge. Matrikkel *1761:* To husmenn. Årleg kan hoggast 5 tylfter sagtømmer. Pengar til skatter og utgifter kjem i fyrste rekkje frå skogen. Matrikkel *1782:* Tre husmannsplassar.

I den fyrste tida etter at ny drift kom i gang kring 1650, var det ein brukar. Men seinast frå 1670-åra var det to bruk, bruk I og II. Desse er i kjeldene omtala som plassar eller halvdelar, og hadde kvar ei skyld på 1 skinn. Etter avtalar i 1715 og -23 vart dei slått saman til eitt bruk. Det er fortalt at dei to plassane brukte to vasskjelder, som ligg ca. 200 m frå kvarandre. Mogleg låg dei to bruka då side om side der det no er innmark.

I 1803 vart ein del av skogen, Storlie, fråseld til kammerherre Peder Anker på Bogstad, og har sidan ikkje tilhøyrt garden. Lengre ute på 1800-talet var Storlie ein del av dei såkalla Greveskogane, som grev Wedel Jarlsberg åtte.

Fleire av plassane under Åse kan ha brukt Liasetre, ca. 300 m rett vest for nordre enden av Øykjevatne. Den siste ein med visse veit brukte Liasetre som seter, var Bjørn Bjørnson, som var husmann i Sveinsbrøta til 1903. Ole Aasen onna deretter Liasetre til 1917. I 1922 vart husa køyrde heim, dei var då berre brukande til ved.

Øvst i Rødningslien, på oversida og like inntil skogsbilvegen Åsen-Muggedøla, ligg Åserødningen, helst berre kalla Rødningen. I 1824 fekk ei enkje, Tora Gudbrandsdotter, som samstundes overtok Sveinsbrøtin, lov til å rydde seg seter her. Det er ikkje kjent om Rødningen vart nytta som seter etter at Tora og den nye mannen hennar slutta å bruke staden. Kring 1910 stod berre laftesteinane att av fjøset, og bua var lita og skral. I 1912 vart bua istandsett som skogshusvære, men riven og heimkøyrd til ved etter nokre år.

Åsen har hatt åtte husmannsplassar, nord, vest og sør for garden. Seks av plassane vart selde til sjølveige, medan to er nedlagde. I 1744 er det vist til ein plass Brøtin, som var skyldsett i 1725. Rimelegvis var vel dette ein av dei tre plassane med namn samansett med -brøtin: Sveinsbrøtin, Ivarsbrøtin eller Nybrøtin. Den eldste nemnde av desse tre, Sveinsbrøtin, var rydda iallfall før 1750. Av dei seks seinare sjølveigarbruka vart Nybrøtin bnr. 2 utskild i 1861, Ivarsbrøtin bnr. 4 i 1917, Sveinsbrøtin med nytt namn Åsheim bnr. 6 i 1944, Moen bnr. 7 i 1946, og Hesjadalen bnr. 8 og Brøtalie bnr. 9 også same år. Seterbrøtin vart nedlagd rett etter 1900, medan Høvda, rydda så tidleg som i slutten av 1700-talet, ikkje ser ut til å ha hatt busetnad etter 1850.

I 1915 var det utskiftingsforretning over bruksrettar i Storlien for Åsen og Ivarsbrøtin, og overutskifting i 1916.

I 1972 var skogsbilvegen Åsen-Muggedøla ferdig. Denne er hovudvegen for uthenting av virke frå Åseskoge.



ÅKRAR OG ÅKERDYRKING.		HUSA SLIK DEI VAR KRING 1900-TALLET.
1 STORÅKEREN.	GAMLE ÅKRAR	A. HOVUDBYGNING.
2 HARAÅKEREN.	DYRKA AV ARNE O. AASEN KRING 1860	B KÅRBYGNING
3. BAKKEÅKEREN.	—"— OLE AASEN KRING 1900	C. DRENGESTUGU
4 MARSTEINHAUGEN	—"— KRISTOFER EID KRING 1918	D LÅVE MED KJØREGANG FOR TRESKING
5. LAUÅKEREN.	—"— ARNE EID KRING 1960	E. SAU- OG GEITEHUS
6 JORDESÅKEREN	+ TOMTER ETTER GAMLE HUS OG UTLØER.	F. FJØS
7. SNAKATANGEN.	S STUGU	G. LÅVE MED STALL, GRISEHUS OG SKÅLE
8 MÅLÅKEREN.	F FJØS	H STABBUR MED MATKLOKKE
9. VESLEÅKEREN.	L LÅVE	I. VESLESTABBURET.
10. BRYNSÅKEREN	R REVEFARM FRÅ 1928-38	J. BADSTUGU
11 BRYNSDALSHALLE	o KJELDER	K SMIU.
12 GEITMOHAUGEN		
13 KVÆRNJORDSÅKEREN		



ÅKRAR, VEGER OG HUSPLASSERING 1979.

1. HOVUDBYGNING
2. KÅRBYGNING
3. DRIFTSBYGNING
4. VERKSTAD
5. SAG.
6. GARASJE
7. VESLESTABBURET
8. STABBUR MED MATKLOKKE
9. DISELHUS
10. SKUR
11. TRANSFORMATOR

Dei mange bråte-namna på husmannsplassane på Åsen-området vitnar om den gamle dyrkingsteknikken, der fyrste steg var å svi av skogen. Også på *Brenn* på austsida av Brynnsdale og i Lauvlien er skogbotnen slett, og ber truleg preg av gamal overflatedyrking.

Kari Eid fortalde at då ho kom til Åsen i 1894, slo dei heile Utjordet med ljå. Det var mykje gras, men ulendt og vondt å raka. Då onna dei også Nysetre, Heimsetre og Høvda, og all villslått i Åse. Den gongen var Åsejordet større enn no, av di skogen har vakse innpå og skigarden er flytta inn. Dei rispa også alt seljelauvet, og til kvart småkrøter skulle lauvast 100 kjerv. Det var vanleg at den som hadde lauva 100 kjerv om dagen, fekk fri. Stundom vart fleire fristunder slått saman til heile dagar.

Far til Kari, Ole Aasen, slutta å slå Utjordet av di det var steinut og ulendt, og la det ut til hamne. I staden onna Ole Sveinsbrøtin då han slutta å ha husmann der. I denne tida hadde dei 3 hestar, og buskapen var 10—11 mjølkekyr, 4 ungdyr, 18—20 sauer og 16—18 geiter.

Med den nye driftsbygningen frå 1914 vart drifta noko omlagd og modernisert. Naturgjødsla vart teken betre vare på i gjødselkjellaren, og med kunstgjødsel auka grasvoksteren. Båe setrane, Høvda og Seterbrøtin vart onna. Fôret frå Seterbrøta vart hatt inn i låven der, og heimkøyrt om vinteren. Seterfôret vart heimkøyrt etter *Vinterleia,* som gjekk frå Nysetren, over Andetjedn og Andetjednsriset, på skrå ned søre Rødningslie til Tømmermyre og vidare fram til Skaret og ned Skarsbakkatn. I Skarsbakko var det frå gamalt berre ein steinut og skakk kløvjaveg. Her skulle mykje snø til før sleden glei. Kring 1915 fekk difor Kristofer Eid grave ein god vinterveg litt høgre i lia, som kom fram att i Høvdajorde. Frå Heimsetren gjekk vintervegen på skrå ned til Tømmermyre og vidare til garden same leia som ovafor.

Sumarvegen til setrane gjekk på nordsida av Seterbrøta opp bakkane langs Langeberg, om Heringrana, på aust- og nordsida av Storemyr, beint gjennom Heimseterhallatn til Heimsetre, vidare ned til Hytteplassen, og derifrå beint opp Rødningslie, over Havskøll og fram til Nysetre. Etter utbetringa i Skarsbakko vart vegen opp her og ein sumarveg vidare brukt til Nysetre. Då slapp ein å kliva over Langebergshøgde.

Kring 1968 vart jordbruket omlagd frå mjølkeproduksjon til korndyrking.

Tømmeret i Åseskoge frå austsida av Nyseteråse vart framkøyrt med hest til *Gråberglegga* og seinare rent ned bakkane. Ned det som framleis er kalla *Gråbergrenna* og heilt fram til *Kølskålhølen,* vart det bygt ei tømmerrenne i 1700-åra. Det var ei såkalla *turrenne,* bygd av tømmerstokkar, der dei ikkje brukte vatn under renninga. Ole Aasen f 1851 fortalde at han hadde høyrt gamle folk som hugsa denne renna. Ved allfarvegen ovafor Kølskålhøle var ein svær lem som kunne takast ut når renna ikkje var i bruk. Under tømmerrenninga var det vakt her. Ein gong var det ein vegfarande som ikkje lystra vaktmannen. Han ville over i eit opphald mellom to stokkar. Men vel ute på lemmen kom ein tømmerstokk susande og sopte vekk meiane på sleden.

Med aukande etterspurnad etter tre-

Hest forspent tømmervende i Åseskoge i Muggedalslien. Tømmervenda er på ca. 4 kubikkmeter, og er lest på ein rustningsbukk med fire lengder etter kvarandre.

virke frå den nye treforedlingsindustrien mot slutten av førre hundreåret, kom tømmerdrift også etter Muggedøladalføre i gang. Det var lange avstandar. T.d. frå Muggedalslien som høyrer Åsen til, er det om lag 1 mil til oset der Muggedøla renn ut i Begna. Før elva var gjort fløytbar, slo mange skogeigarar seg saman for å kunne halde oppe veg. Etter mykje arbeid var Muggedøla sett i stand som fløytingselv frå 1920-åra. Fløytinga vart nedlagd i 1968. For Åseskogen var det ein stor fordel å få tømmeret ut på denne måten. Sjå meir om tømmerdrift i Muggedøladalføre og fløyting i Muggedøla under grendekapitlet om Tollevsrud.

Sist på 1800-talet vart Gråberglegga flytta noko oppover, der det var større plass å leggje frå seg på. Innafrå Hytteplassdalføret var det «flatåskøyring», sa dei. Her var lendet flatt, og ein kunne ikkje køyre så store vender der som ned bakkane. Det ein fekk med seg i to vender innafrå, kunne ein køyre i ei vende ned bakkane på vanleg, pent føre, var det rekna. Fyrst på hausten vart ein del tømmer køyrt fram til Gråberglegga, og tente som reservelager når dei seinare tilpassa vendene ned bakkane. Til flatåskøyringa hadde dei tømmeret på meiar, medan bakkekøyringa alltid var slepkøyring med lengder bakover.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	5	11	16

	Bondefolk	Tenestefolk	Husmannsfolk	Handverksfolk	Arbeidsfolk	Fattigfolk	Andre	
1782	2	4	13				5	24
1801	6	4	20					30
1865	10	3	32		2	1	2	50
1900	11	4	29					44

Husdyrhald, utsæd og avling 1657—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1657		6	14			
1723	2	16	18	2 1/4		
1761	2	11	20	4	16	16 lass
1782	2	12	14	5 1/2	23	50 lass
1866	2	19	36	8 7/8 korn	40 1/4 korn	141 skpd.
				12 poteter	55 poteter	

Eigarar

Etter den fyrste direkte eigaropplysninga ved midten av 1600-talet var Åsen krongods. Krona kunne bli eigar av jord på ulike måtar. Ved reformasjonen i 1536 auka krongodset svært i omfang av di kongen fekk rådvelde over det gamle kyrkjegodset. Jordeigedomen til dei store, sentrale kyrkjeinstitusjonane vart lagd direkte under statsmakta, medan det lokalkyrkjelege godset til underhald for prestar og kyrkjer kunne halde fram som før.

Ei opplysning frå 1701 om eit stadnamn i Åse peikar mot at garden i mellomalderen var sentralkyrkjeleg gods. Ved ei synfaring er det nemnt ei engelyu på ei eng kalla «Capitels engen». Til grunn for eit så spesielt namn, på ein ås-gard i Sør-Aurdal, kan ikkje liggje noko anna enn ordet *kapittel*. Kapittel var nemninga på prestane i ei kyrkje eller munkane i eit kloster, medan domkapitlet var presteskapet ved ei domkyrkje. Den mest nærliggjande forklaringa er at stadnamnet «Capitels engen» har oppstått på grunn av ein kyrkjeleg eigar i katolsk tid. I så fall er ikkje dette språklege minnet einestående. På søre Brattrud finn me t.d. på 1600- og 1700-talet namnet «Kongsparten», her eit minne om at jorda hadde høyrt til krona.

Ved krongodssalet frå 1660-åra vart oberstløytnant Ove Brockenhus overlate m.a. Åsen. I 1672 pantsette Ove Brockenhus Åsen og anna jordegods, og i 1673 let Laurits Lauritsen tinglyse obligasjonen, som han hadde innfridd. Laurits Lauritsen kjøpte seinare Åsen, og er ført som eigar i skattelistene frå 1682. I 1699 var admiralitetsråd Gerhard Treschow eigar, og selde til Ola Ivarson Ølmhus. Jørgen Otto Brockenhus, oberstløytnant ved Det opplandske regiment og son til førnemnde Ove Brockenhus, selde i 1707 odelsløysingsretten sin til Ola Ølmhus for 14 rd. Ola Ivarson budde sjølv på Ølmhus, medan andre var leiglendingar i Åse. I 1711, og etter sak med forlik i 1714, selde Ola Ølmhus Åsen til Arne Andersson, som vart brukar.

Bruk og husmannsplassar

I grensesaka mellom Åsen og Garthus i 1719 vitna Kari Nilsdotter Rustebakkeige, nesten 70 år gamal. Ho var barnefødd i Åse, og sa at far hennar, Nils Åsen, rydda opp Åsen og brukte garden i levetida si. Nils, eller *Nils Johanson,* var den fyrste rydningsmannen etter øydetida. I 1724 fortel vitnet Beret Nilsdotter at Nils og kona hans rydda av rå rot av tjukke skogen. Det gjev ei førestilling om tilstanden etter dei mange øydeåra. Nils ser ut til å ha kome til Åsen kring 1650. I skattematrikkelen 1647 er garden ikkje nemnd, men i 1655 kravde futen tredjeårstake av *Nils Tronhus,* som må vera Nils Åsen. Etter det skulle Nils ha betalt fyrstebygsel tre år tidlegare. I futerekneskapen er oppført at Nils betalde avgift for 2 skinn krongods. I 1664 er Nils oppgjeven å vera 58 år gamal.

Nils Johanson f ca. 1606 d ca. 1683 gm *Ragnhild Arnesdotter Dølve* d før 1687. Barn som me kjenner:

1. Helga f ca. 1649 gm Jakob Knutson, sjå Åsen bruk I.
2. Kari, yngste dotter, f ca. 1654.

Slektsopplysningar seinare i ulike kjelder fortel indirekte om giftarmål til døtrer til Nils Åsen, men ikkje nok til at biletet blir fullstendig:

I tillegg til Jakob Knutson var ein *Tallak* og *Tøstein Knutson* versøner til Nils. I 1712 sel Johannes Tallakson Åsen rydnings- og bygningsretten sin i Åse til Arne Andersson Tronhus. Johannes seier at far og mor hans, og morfar og mormor, var dei fyrste som rydda Åsen. Saka kan likevel ikkje vera oppgjord, for i 1718 stemna Johannes på nytt Arne Åsen om rydningsretten. Med seg hadde Johannes no Knut Tøsteinson, Knut Jakobson og Ola Pålson. I stemninga blir det vist til at bestefar deira, Nils Åsen, var rydningsmannen. Knut Tøsteinson må då vera son til den Tøstein Knutson som ei tid brukte bruk II, sjå der. Knut Jakobson var son til førnemnde Jakob Knutson. Ola Pålson var derimot brorson til Knut Jakobson, og dermed eigentleg oldebarn til Nils Åsen. Saka vart vist til handsaming på åstaden, og seinare høyrer me ikkje meir ho. I 1723 selde Johannes og medarvingane hans all retten sin til etterfylgjaren til Arne Åsen, Anders Gunnarson. Knut Jakobson, på Li i Hedalen, selde rydningsretten sin for 13 rd. til Ola Olson Ølmhus i 1726.

Det går såleis ikkje fram kven Tallak og Tøstein Knutson var gifte med. Den eine eller båe døtrene me kjenner nam-

na på, kunne vera oppattgifte, eller kan hende hadde dei ei eller fleire systrer. Delinga av Åsen i to halvdelar etter eller på slutten av brukartida til Nils, kan ha hatt samanheng med giftarmål til døtrene.

Av barna til *Tallak* kjenner me desse:

1. Johannes gm Olaug Helgesdotter, sjå under Piltingsrud.
2. Ingrid gm Ola Nilsson Piltingsrud.
3. Anne gm Knut Andersson, som i 1723 heldt til på Ringerike.

Seinast frå andre halvdel av 1670-åra var det to bruk i Åse, rekna for halvdelar av skyld 1 skinn. Todelinga går ikkje fram av samtidige kjelder, men blir opplyst gjennom vitneprov i saker etter 1700.

Åsen bruk I

Beret Nilsdotter fortalde i 1724 at Ivar Olson Ølmhus ei tid brukte halvdelen i Åse, og svogeren til Nils Åsen, *Tøstein Gunnarson,* den andre, her kalla bruk I. I 1729 fortel son til Ivar, Gunnar Ivarson, at far hans brukte Åsen i 21 år. Ivar døydde i 1697, og skulle etter dette ha teke Åsen i bruk om lag 1676.

Tøstein Gunnarson hadde ikkje parten sin i Åse så lenge, for seinast i 1686 var *Jakob Knutson* komen hit. Det går fram av eit vitneprov om Skar i Vestre Bagn same år.

Jakob Knutson f ca. 1628 d 1697 gm *Helga Nilsdotter,* dotter til Nils Åsen, f ca. 1649 d 1699. I 1664 var Jakob brukar på Langedrag. Deretter bytte han Langedrag mot Skar, der han var i 1667. Barn som me kjenner:

1. *Pål* f ca. 1659, neste brukar.
2. Beret f ca. 1666.
3. Ingrid f ca. 1669. Både Beret og Ingrid vitna i 1725 om delet mellom Tronrud og Skar.
4. Knut gm Anne Arnesdotter, sjå under Li.
5. Siri f 1695.

Pål Jakobson f ca. 1659 d 1707 i Åse gm *Tora Østensdotter,* mogleg frå Garthus. Ved skiftet etter Pål i september 1707 var bruttoeiga 74 rd. og nettoeiga 38 rd. For plassen vart det betalt landskyld til eigaren, Ola Ølmhus. Barn som me kjenner:

1. Ola f ca. 1693 gm Berte Helgesdotter. Ola kjøpte Bakke i Hedalen i 1732, sjå der.
2. Østen f 1694 d 1697.
3. Ingrid f 1696 d 1697.
4. Jakob f 1698 d 1719, då kalla Åsen.

I 1699 selde Gerhard Treschow garden til Ola Ivarson Ølmhus, på det vilkår at Ola Ølmhus skulle selja tømmeret han dreiv ut av Åseskoge til Treschow når sistnemnde ville betala like mykje som andre. Ved tinglysinga på vintertinget same år protesterte oppsitjarane Gunnar Ivarson og Pål Jakobson, og meinte dei hadde betre rett til å få kjøpe enn Ola Ølmhus.

Pål Jakobson let handling fylgje ord. Han fekk skrive eit klageskrift, eller suplikk, til statthaldaren på Akershus, datert 8. november 1700. Pål viste til det urettferdige i at Ola Ølmhus hadde kjøpt Åsen, som far og bestefar hans hadde rydda, medan Pål

var sjuk og ikkje visste om det. Ola hadde hogge ein stor del sagtømmer i Åseskoge for å skaffe pengar til kjøpet, og ville såleis drive han frå brødet. No visste Pål ikkje sin sin arme råd for seg sjølv, kone og barn, og bad statthaldaren om hjelp. Anten måtte sorenskrivaren bidra til at Pål fekk bruke plassen som ein leiglending hadde krav på, eller så var det likare at han fekk kjøpe. Ved resolusjon av 22. november fastsette visestatthaldar Frederik von Gabel at sorenskrivaren måtte syte for klåre liner mellom partane.

I juni 1701 var det åstadrett i Åse av di Ola Ølmhus hadde stemna Pål Jakobson for ikkje å vedlikehalde husa og hogge ulovleg i skogen. Pål framla både den førnemnde suplikken og resolusjonen frå visestatthaldaren, som Ola Ølmhus var viljug til å svara på etter lovleg stemning. Åstadretten heldt likevel fram. Etter synfaring vart Pål funnen pliktig til å reparere manglane på husa innan tre år, rydde og forbetre engene, og ikkje hogge meir i skogen enn loven tillet ein leiglending.

Synfaringa i 1701 fortel om tilstanden på bruket til Pål. Kring stugu måtte lagast moldbenker med never mellom. Nytt tak måtte leggjast på ettersom det gamle var rote. Stabburet var brukande, stallen måtte reparerast innvendig. Fjøset måtte vegast opp for å leggje innunder ein stokk på den nørdre sida og ein stokk på den austre. Eit sauehus med trev over måtte vegast opp på vestsida, og nye laftesteinar og ein stokk leggjast under. Taket på sauehuset måtte skiftast ut. Låven hadde to golv. Her måtte det austre oppvegast, og ein stokk leggjast under på den nørdre og to stokkar på den søre. Ny låvedør og trapp trongst også. Taket på det vestre golvet var rote. På bua fekk taket reparerast. Badstugu var ikkje brukande, og ei ny måtte setjast opp. Til det trongst 3 tylfter tømmer. Ei gamal stugu kunne nyttast i staden for eit eldhus som Pål hadde teke ned førre året. Stugu trong nytt tak. Engelyu på Kapitelsengen var temmeleg roten, og måtte erstattast av ei ny. Ei anna lyu, *Ruglyu,* måtte reparerast. Slåttengene var temmeleg skogvaksne, og dessutan fanst ein del engeslette, som ikke var slått siste året.

Ola Ivarson Ølmhus, som budde på Ølmhus, såg seg best tent med å bli kvitt Pål Jakobson som leiglending i Åse. Men Pål sette seg imot. Til vintertinget 1705 stemna då Ola Pål fordi Pål ikkje ville forlata og ryddiggjera Åsen. Dom fall i november same år. Pål skulle framleis behalde bygselplassen sin, og Ola Ølmhus nøye seg med årleg avgift så lenge Pål overheldt bygselvilkåra.

Etter at mannen døydde, heldt Tora Østensdotter fram med drifta mange år. I 1723 fekk sonen Ola Pålson Bakke på eigne og mora sine vegner 80 rd. av Anders Gunnarson Åsen for at Tora hadde avstått bygselretten sin. Anders Gunnarson var frå før brukar på bruk II.

Åsen bruk II

Den fyrste me kjenner som brukte denne plassen, er *Tøstein Knutson.* I ei sak i 1723 om retten til Åsen, blir det opplyst at *Ivar Olson Ølmhus,* f ca. 1644 d 1697 i Åse, makeskifta 1 skinn i Ølmhus mot 1 skinn i Åse med Tøstein Knutson, og flytta til Åsen. Her var han brukar i 21 år, sjå ovafor. Den fyrste kona til Ivar, *Ingrid Knutsdotter Erstad,* døydde i 1670. Deretter gifta han seg opp att med *Guri Eivindsdot-*

ter f ca. 1650 d 1707. Barn, av desse er dei fire fyrstnemnde omtala ved skiftet etter Ola Ivarson Ølmhus i 1721:

1. *Gunnar,* neste brukar.
2. Ingrid f ca. 1678 gm Timann Embrekson Hølersetre.
3. Rangdi, mogleg den Randi Ivarsdotter Hølersetre som i 1703 fekk dottera Anne med Arne Olson Dølve.
4. Gunhild.
5. Arne f ca. 1688 d 1697.

Gunnar Ivarson g 1701 m *Eli Jonsdotter,* sjå nørdre Dølve (Kamben). Gunnar fortalde i grensesaka mellom Åsen og Garthus i 1719 at han brukte Åsen i 16 år inntil tre år sidan. Gunnar forlet Åsen etter ei avtale i 1715 med Arne Andersson Tronhus, som hadde kjøpt Åsen. Arne trong sjølv å bruke eigedomen. Gunnar hadde gjort forbetringar på hus og med rydding samt rydda ei seter. For påkostnadene fekk Gunnar 80 rd., og kunne bu i Åse to år til. Etter ei avtale i 1723 tok oppsitjaren på bruk II også over den andre halvdelen.

Åsen samla

I november 1711 kjøpte Arne Andersson Tronhus garden Åsen av Ola Ivarson Ølmhus. Kjøpesummen var fastsett til 200 rd., og Ola tok imot 160. Men Ola og kona hans, Marit Embreksdotter, ville ikkje skrive under skøytet. Arne stemna Ola for tinget, og fekk medhald i mars 1712. Salet skulle gjennomførast, Arne behalde Åsen og Ola ferde ut skøyte. To år seinare, på tinget i mars 1714, slutta Arne og Ola forlik. Ola var no viljug til å motta resten av summen, som Arne la på til 50 rd. Pengane vart betalde i retten. Av andre årsaker førte denne saka Ola Ølmhus opp i store vanskar, sjå meir om dette under Ølmhus.

Kring 1717 flytta Arne Tronhus til Åsen bruk II, som han overtok etter avtale med Gunnar Ivarson.

Arne Andersson Tronhus f ca. 1672 d 1719 g 1. 1697 m *Marit Olsdotter* d før 1716. Arne Andersson g 2. 1716 m *Anne Olsdotter,* nedre Storøydgarden, f 1694 d 1788. Ved skiftet etter Arne i 1719 var bruttoeiga 984 rd. og nettoeiga 973 rd. Ved skiftet etter Anne i 1791 var bruttoeiga 108 rd. og nettoeiga 86 rd. Barn:

Anders f 1718.

Anne Olsdotter g 2. 1720 m *Anders Gunnarson* f ca. 1687 d 1768. Barn:

1. Anne f 1721 d ung.
2. Beret f 1722 g 1. m Harald Hallsteinson Rustebakke, sjå nørdre Garthus, g 2. m Sjugurd Arneson nørdre Dølve.
3. Eivind f 1725 d ung.
4. Guri f 1730 gm Knut Madsson Solbjør. Dotter deira, Anne Knutsdotter Solbjør, gifta seg med Sjugurd Olson Ølmhus.
5. *Gunnar* f 1733, neste brukar.
6. Ingrid f 1737 d 1738.

I oktober 1723 var det åstadrett i Åse. Arne Kristaferson Langedrag og Ola Olson Ølmhus hadde stemna Anders Gunnarson til å gje frå seg garden, som dei meinte å ha betre rett til. Arne Langedrag var gift med eldste

dotter til Ola Ivarson Ølmhus, som hadde ått Åsen. Ola var son utafor ekteskap til Ola Ivarson, men var lyst i kull og kjønn i 1718. Retten fann at Anders hadde best rett, og frikjende han. Det var truleg på denne bakgrunnen at Anders Gunnarson i 1723 fekk skøyte for 20 rd. på rett til Åsen frå arvingane etter førnemnde Tallak: Johannes Tallakson, Ola Nilsson Piltingsrud og kona Ingrid Tallaksdotter, og Knut Andersson og kona Anne Tallaksdotter.

Ola Olson Ølmhus stemna saka inn for lagtinget. På sumartinget på Lund i 1724 førte han fleire vitne for å få eit tingsvitne å leggje fram. Blant vitna var yngste dotter til Nils Åsen, Kari Nilsdotter, som sa at Ola hadde lova å syte for henne resten av livet som gjenyting for ryddingsretten ho meinte å ha. Anken til lagtinget kan heller ikkje ha ført fram, for Anders Gunnarson heldt fram i Åse.

Anders Gunnarson ville ha orden på eigedomen sin. Etter at grensa i sør mot Garthus tidlegare var brakt i orden, sytte Anders for delekontrakt med Tronhus i nord i 1728. I 1729 reiste Anders Åsen og Erik Tronhus sak mot grannar som dei meinte hadde hogge i skogen deira, sjå Tronhus. I 1744 høyrer me at Anders hadde rydda ein del åker. Det er nok ryddinga hans som er årsak til auken i utsæden denne tida, frå 2 1/4 tønner i 1723 til 3 tønner i 1744. I september 1740 heldt Anders og Anne skifte for å dele jordegods og pengar, men ikkje lausøyre, mellom barna. Anders var då om lag 57 år og Anne noko yngre. Til buet høyrde m.a. jordegods i Åse for 600 rd. og i nørdre Garthus for 823 rd. Anders hadde i 1737 kjøpt nørdre Garthus saman med versonen Harald Hallsteinson.

Til sumartinget 1728 hadde Anders Gunnarson innstemna Mikjel Ellendson for ulovleg å ha forlate tenesta som han hadde festekontrakt på i Åse. Mikjel skulle ha halv teneste i eitt år, og hadde motteke løna dei var einige om, 6 rd., samt lånt 20 skill. og eit par vadmålsbukser, verdsette til 2 ort. Stemnevitna hadde oppsøkt Mikjel, som heldt til i Hølersetren. Han nekta ikkje for å ha vorte borte frå Åse. Denne Mikjel ser ut til å ha vore ein uvøren kar, sjå nedre Tronhussetre 54/6. Den eine av stemnevitna er kalla Østen Olson Åsen, og var vel tenestekar eller husmann. Mikjel vart dømd til å betala løna attende, samt svara 4 rd. i sakskostnad.

Neste brukar, Gunnar Andersson Åsen, fekk i 1754 skøyte verbrørne Harald Hallsteinson Garthus og Knut Madsson Solbjør på arv i Åse som var tilfalle systrene til Gunnar. Arven var 300 rd. Dessutan betalde Gunnar 140 rd. ettersom verbrørne tykte garden var meir verd enn Gunnar hadde betalt.

Gunnar Andersson f 1733 d 1792 g 1752 m *Kari Eriksdotter nørdre Haugsrud* f 1733 d 1773. Ved skiftet etter Kari var bruttoeiga 231 rd. og nettoeiga 224 rd. Gunnar, og også far hans, Anders Gunnarson, hadde eigedom i Fjell i Etnedale. Barn:

1. Kari f 1753 d 1754.
2. Anne f 1756 gm Nils Andersson Nordåk.
3. Kari f 1759 d ung.
4. Erik f 1760 d 1760.
5. *Arne* f 1762, neste brukar.
6. Åste f 1764 gm Ellend Knutson Tronhus.
7. Beret f 1767 d 1770.

8. Anders f 1769 gm Siri Kristafersdotter, sjå austre Piltingsrud.
9. Erik f 1772 d ung.

Arne Gunnarson f 1762 d 1824, brukar etter faren, g 1. 1790 m syskenbarnet *Kari Haraldsdotter nørdre Haugsrud* f 1765 d 1810. Ved skiftet etter Kari var bruttoeiga så mykje som 3353 rd. og nettoeiga 2212 rd., av det garden taksert for 2000 rd. Av dei ti barna var berre fire i live då Kari døydde:

1. Kari f 1790 gm Ola Sjugurdson Ølmhus.
2. Siri f 1792 d 1792.
3. *Gunnar* f 1793, neste brukar.
4. Harald f 1795, som i 1824 fekk sonen Arne med Anne Gjermundsdotter, gifta seg i 1827 med Siri Håvårdsdotter Storøydgarden, sjå Skarasetre 47/2. I 1829 kjøpte Harald Skarasetre, men familien flytta seinare til garden Nørstelia i Torpa. Med seg til Torpa hadde Harald ein bjørnelabb som far hans, Arne Gunnarson, hadde hogge av ein bjørn. Bjørnen ville ta Arne, som fekk redda seg opp i ei furu. Då bjørnen kleiv etter, fekk Arne hogge framlabben av han og redda livet. Ei tid vart bjørnlabben nytta av «Frøyslandskjerringa» i Torpa til m.a. å lækje brystverk med. Folk trudde at ein bjørnelabb hoggen av ein levande bjørn, hadde magisk verknad.
5. Siri f 1797, døydde nok same år.
6. Erik f 1798 d 1799.
7. Siri f 1800 d 1801.
8. Erik f 1803 d 1804.
9. Erik f 1805 d 1809.
10. Siri f 1807.

Arne Gunnarson g 2. 1816 m *Tora Gudbrandsdotter Steinsetereige* f 1795 d 1874. Ved skiftet etter Arne i 1824 var bruttoeiga 231 spd. og nettoeiga 133 spd. Ved forlik i 1824 fekk Tora overta plassen Sveinsbrøtin mot å levere frå seg livaurskrøtera, sjå Sveinsbrøtin. Tora Gudbrandsdotter gifta seg opp att i 1830 med *Sjugurd Gulson Åseneige,* sjå Nybrøtin 55/2. Barn til Arne og Tora:

1. Kari f 1817 gm Sjugurd Arneson Dølve, sjå Tåmåsbrøtin 52/3.
2. Anne f 1819 gm Ivar Person Flaten, til Torpa 1846.

I 1803 selde Arne Gunnarson skogen Storlie, på om lag 2300 da., til kammerherre Peder Anker for 3125 rd. 24. august 1840 vart grensa mellom Åseskogen og den fråselde skogen, som no høyrde til grev Wedel Jarlsberg, gått opp.

Gunnar Arneson f 1793 d 1851 fekk i 1811 heimel på skiftet etter mor si, Kari Haraldsdotter, g 1822 m *Marit Amundsdotter Rustebakke* f 1801 d 1851. Båe ektefolka samt dottera døydde av tæring. Barn:

Kari f 1823, neste brukar.

Kari Gunnarsdotter f 1823 d 1846 fekk i 1843 skøyte av faren for 600 spd., g 1843 m *Hallvor Hallvorson Bøen,* øvre Slettet 12/3, 15, f 1814 d 1848. Barn:

1. Anne f 1844, mogleg identisk med Anne Mathea Hallvorsdotter Åsen, d 1847 av tæring. Anne døydde iallfall som lita, og det er fortalt at ho

fekk tuberkulosesmitta inn med morsmjølka.
2. Halivor f 1845 d 1847 av tæring.

Hallvor Åsen var interessert i hestar. På Åsemyro rydda han seg ein travbane der han trena hestane sine. På Fete, ei slette sør for Øyvassetren, hadde han også ein plass der han køyrde med unghestar.

Fyrste gongen han var på Åsenysetren, skar han inn namnet sitt med dato og årstal i ei stor furu på Havskøll. Furua vart seinare kalla «Havskøllmann», og hogge ned som tørrfuru i 1920-åra for å bli brend tjuru av.

Då Kari låg på det siste, forstod Hallvor at garden ville bli teken frå han med odel, og gjekk i gang med å få hogge så mykje tømmer som råd i Skarsbakko og Høvdabakko. Det syntest Kari var vondt: «Det er fælt at ein stakkar som eg skal vera årsak til dette».

Det gjekk som Hallvor venta. Ola Olson Ølmhus, syskenbarn til Kari Gunnarsdotter, kom med odelssøksmål. I 1848 ferda difor Hallvor ut odelsskøyte til Ola for 2500 spd. Eit par månader seinare døydde Hallvor.

I 1852 skøytte Ola Ølmhus halve garden til broren Arne for 600 spd. Same dag, 30. oktober, vart det halde skyldsetjingsforretning.

Av heimejordet skulle kjøparen, Arne Olson, ha den nørdre delen og Ola den søre. Arne fekk den nørdre delen av Heimsetre. Dei to sumarsetrane vart delte slik at Arne fekk Nysetre og Ola Liasetre. Husmannsplassane Nybrøtin, Moen og Hesjadalen med setra Høvdasetre skulle Ola ha, og Arne Sveinsbrøtin, Brøtalie og Seterbrøtin. Ivarsbrøtin var felles. Skogen var det svært vanskeleg å dele, fann dei ut, så han vart felles inntil vidare, på same vis som hamne og lauvskog. Husa var delte før.

Åsen bruk A

Ola Olson Ølmhus f 1823 g 1851 m *Inger Marie Nilsdotter Bondli,* Land, f ca. 1829. Dei kjøpte Bondli i Land, og flytta dit. Barn som me kjenner frå Sør-Aurdal:

1. Anne Karine f 1851.
2. Ole f 1853.
3. Nils f 1855.

Ola fekk grave opp tomt til våningshus og låve nordvest for der tunet no er, om lag der det er sagt den eine av dei to gamle plassane i Åse låg. Tomta til våningshuset, om lag 4 m nord for garasjen no, vart attfylt i 1948. Men bygging vart det ikkje noko av, for i 1856 selde Ola halvdelen sin for 800 spd. til broren Arne. Det er sagt at det var far deira, Ola Sjugurdson Ølmhus, som finansierte handlane.

Åsen bruk B

Arne Olson Ølmhus, sjå nedafor, åtte denne halvparten frå 1852 til -56, då han vart eigar av heile garden.

Åsen samla

Arne Olson Ølmhus, som tok namnet Aasen, var f 1832 d 1909 g 1852 m *Gunhild Embreksdotter nørdre Langøydgarden* f 1832 d 1911. Dei hadde ikkje barn, men tok til seg Gunhild Olsdotter Storsvee f 1859. Gunhild voks opp i Åse, og det var meininga ho skulle arve garden. Men så gifta ho seg

Fire generasjonar i Åse. I sofaen foran sit Arne Olson Aasen f 1832 og kona Gunhild Engebretsdotter f Langøydgarden 1832. Til venstre bak neste generasjon, Ole Olson f Storsvee 1851 og kona Oline Hågensdotter f Åmsrud 1855. Til høgre bak dottera Kari Eid f 1879. Mellom Gunhild og Arne i sofaen står son til Kari, Arne Eid f 1905. Gudrun Eid f 1906 sit på armen til mora.

med Mikkel Kristofferson Eid, og dei overtok Rustebakke.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 35 mål noko høglendt åker og dyrka eng, 100 mål ganske magert slåtteland, frå setrar og utmark kom 50 skippund høy, hamninga var god, 25 tylfter gran- og furutømmer kunne hoggast, dei lauva 2000 kjerv, garden låg noko avsides og var litt frostlendt. I 1865 hadde dei 2 hestar, 14 naut, 18 sauer, 9 geiter, 1 gris, og sådde 1/4 tønne rug, 1 1/4 tønne bygg, 5 tønner blandkorn, 1/8 tønne erter og 5 tønner poteter.

Arne Olson rakk over mykje i brukartida si. I 1860 sette han opp ny hovudbygning, og skar mykje av materialane på oppgangssaga som Åsen frå gamalt hadde hatt saman med nørdre Garthus i Saglien. I 1860-åra fekk han bygd nytt tvihøgda stabbur med fire rom og klokketårn, slik det er i dag. Kring 1890 vart bygt ny kårbygning. Kring 1865 sette han opp sirkelsag i bekken ovafor Sveinsbrøta. På sørsida av øvre låven sette han opp køyregang av tre med tannhjul av malm, og kjøpte treskjemaskin som vart brukt til ca. 1911, då det kom straum til garden.

Gunhild og Arne tilbaud Ole Åmsrud, fødd på Storsveen, å overta etter dei, og i 1894 fekk Ole skøyte for

12000 kroner. Arne var morbror og Gunhild farsyster hans.

Ole Olson Storsvee, seinare Aasen, f 1851 d 1933 g 1878 m *Oline Hågensdotter Åmsrud* f 1855 d 1934. Ole og Oline overtok fyrst Åmsrud, der Oline var eldste dotter, etter at dei hadde gifta seg. Barn:

Kari f 1879, neste brukar.

Kristofer Olson Eid f 1879 d 1953 g 1903 m *Kari Olsdotter Aasen* f 1879. Kristofer flytta ved giftarmålet til Åsen, og dreiv garden saman med verforeldra til 1912. Då fekk ungfolka råderett over det meste, og skøyte i 1915. Barn:

1. *Arne* f 1905, neste brukar.
2. Gudrun f 1906 d 1987 gm Jon Bonlid, Skrautvål, budde på Bondli.
3. Olav f 1908 d 1981, tok over Rustebakke skog saman med broren Haakon og budde på Åsheim.
4. Oddmund f 1909 d 1974 gm Helene Øvergård. Han var utdanna forstkandidat, og var fyrst skogsjef hjå godseigar Mathiesen, Hurdal, seinare hjå godseigar Jakob Aall, Ulefoss.
5. Håkon f 1911 d 1914.
6. Haakon f 1914 gm Anna Hjelle, Aurdal. Tok over Rustebakke skog saman med broren Olav, og bur på Eidsmoe.

Familien i Åse i 1937. Kari Olsdotter f Aasen 1879 og mannen Kristofer Olson Eid f 1879 med barna. Frå venstre foran: Kari Eid, Olaug, Gudrun og Kristofer. Bak: Olav, Kjell, Arne, Oddmund og Haakon.

7. Olaug f 1919 gm Georg Sørum, Begna. Dei budde på Sørum. Olaug bygde nytt hus då ho vart enkje i 1969.
8. Kjell f 1921 gm Olga Huset, Hedalen. Dei bygde Furuheim i Garthus, på austsida av Begna, og driv campingplass.

I 1914 reiv Kari og Kristofer Eid det gamle fjøset, øvre låven og sauehuset, og bygde ny driftsbygning. Året etter restaurerte dei hovudbygningen. Med pengane frå salet av Ivarsbrøtin i 1917 var det sett i gang åkerbrytning for å rydde saman dei små åkerlappane i den vestre delen av Åsejorde. I 1920 vart den gamle smiu på *Smiubakke* rive, og verkstadbygning oppsett. 15. september 1936 brann driftsbygningen ned til grunnen. Den nye som vart bygd året etter, var meir tidsmessig enn den førre, og hadde fjøs og grisehus av betong.

Kristofer Eid hadde beste retten på Eid ettersom han var eldste son der, men let den yngre broren Mikkel overta Eid då han sjølv kom til Åsen. I 1918 fekk Kristofer skøyte på Rustebakke skog, Eidsmoen og Gamlesetre, som far hans hadde åtta. I 1920 bygde Kristofer ny driftsbygning på Eidsmoe.

Arbeidsfolk på garden skulle ha kosten, og dei som ikkje kunne nå heim om kvelden, skulle òg ha husrom. Slik hadde det alltid vore. For Kari var difor arbeidsoppgåvene mange. Kjøkenbordet hennar kunne til naud romme 14 personar. Men ofte, t.d. i skuronna når husmennene hadde med seg heile familien for å skjera, vart bordet for lite. Då vart det sett inn fleire bord. Stod det på noko på husmannsplassane, møtte Kari opp for å hjelpe til, og tok ofte med seg både mat og klede. Skulle ho bort åleine, trong Kari sjeldan køyrekar, for ho likte å køyre med hest sjølv.

Kristofer Eid tok del i kommunalpolitikken, og var ordførar i Sør-Aurdal 1927—30 og fleire år under krigen. Etter okkupasjonen i 1940 vart han oppmoda, etter ei drøfting i kommunestyret, om å overta ordførarplassen for saman med lensmannen å freiste å leie kommunen på ein mest mogleg skånsam måte gjennom dei vanskelege tidene. Kristofer grudde seg fælt, med påtok seg oppgåva. Etter ny oppmoding og samråd melde han seg seinare proforma inn i NS då medlemskap vart kravt av alle ordførarar. Han var ikkje alltid god for å fylle dei krava makthavarane sette.

Men okkupasjonsmakta visste ikkje om alt. I Heimefronten, gruppe 1431 J, som omfatta Bagn, Reinli og Leirskogen, var son hans, Arne, sjef. Dette visste Kristofer om, og samarbeidde med Heimefronten. Bjarne Holth-Larsen var komen frå England og brukte «Håkon» som dekknamn. Han dreiv som organisator og instruktør i heile Valdres. «Håkon» var ofte i Åse, og var innom ordføraren og høyrde radio.

Alt gjekk likevel bra til like innpå frigjeringa. Då vart Kristofer Eid avsett. Den nyutnemnde ordføraren rakk berre så vidt å hente arkivet, men fekk ikkje halde noko møte. Ved granskinga av NS-medlemene etter krigen, vart det ikkje funne noko som gav grunnlag for påtale mot Kristofer Eid.

Arne Kristoferson Eid f 1905 g 1942 m *Marthe Jakobsdotter Strande,* Bjoneroa, f 1916, overtok Åsen i 1945. Foreldra påla Arne å selja husmannsplassane, eit forelda system meinte dei, og å gjera det han kunne for å skaffe garden ein betre veg. I 1933 hadde Arne overteke Rustebakke skog, som han sidan dreiv for eiga rekning. Ved overtakinga av Åsen overdrog Arne Eid Rustebakke skog til far sin, som igjen

overdrog til sønene Olav og Haakon med ein halvpart til kvar. Haakon fekk òg overdrage Eidsmoen og Gamlesetre. Marthe og Arne restaurerte kårbygningen ein del, og budde der til 1965. Då restaurerte og bygde dei på hovudbygningen, og flytta dit. I 1978 stod ein ny kårbygning ferdig, som var bygd av dei nye eigarane, og Arne og Marthe flytta inn her. Dei nye eigarane tok i bruk hovudbygningen. Barn:

1. Kari Kjerstine f 1948, fysioterapeut, gm Jon Harald Kveine f 1944, siviløkonom.
2. *Gunnar* f 1950, neste brukar.
3. Jorunn Kristin f 1957, sjukepleiar, gm Arne Haug f 1954, bygningsingeniør, sjå Haug 12/20. Dei har barna Ola f 1985 og Randi f 1987.

Arne Eid var ein av dei fyrste i Sør-Aurdal som søkte og fekk konsesjon til å brenne trekol under krigen, og bygde to kolomnar av teglstein, ein i Heiebrøta og ein på Eidsmoe. Saman med ingeniør Knut Sætre ved Storebrofoss Tresliperi dreiv han desse omnane og ein knottfabrikk på tresliperiet under firmanamnet Eid & Sætre heilt til det vart bensin å få att etter frigjeringa.

Då spørsmålet om å byggje eit sagbruk i Sør-Aurdal vart teke opp i 1961, kom Arne med i sagbrukskomitéen som sekretær. Fram til 1978 var han med i styret for Begna Bruk, av det 11 år som formann.

Marthe var i mange år med i styret for Bagn og Reinli Sanitetsforening, av det åtte år formann. Aldersbustadene i Bagn vart bygde i denne tida, og Marthe var formann i styret her i 12 år frå 1975 til 1987.

Etter kvart minka talet på dyr i fjøset, og gardsdrifta vart omlagd til korndyrking. I 1969 vart fjøset bortleigd til Svein Ivar Hansebråten, som hadde sauer til 1978.

Gunnar Eid f 1950, skogteknikar/siviløkonom, eigar frå 1975, g 1977 m *Anne Ludvigsen,* Oslo, f 1952, interiørarkitekt NIL. Anne og Gunnar tok i 1979 Åsen som slektsnamn. Barn:

1. Mari f 1978.
2. Arne f 1979.
3. Erik f 1981.
4. Sjur f 1983.

Nybrøtin bnr. 2

Nybrøtin er den nedste og synste av dei gamle plassane under Åse, og ligg ca. 375 m o.h.

Dei fyrste husmannsfolka me med visse veit budde her, er *Gul Johannesson Åsen,* Åseneige, f 1781 d 1864 g 1803 m *Anne Jonsdotter Garthus,* Steinsrud, f 1778, legdslem og enkje 1865. Dei fekk husmannskontrakt i 1844, men hadde då i lengre tid brukt Nybrøtin. På Åseneige er dei nemnde frå 1804.

Til Nybrøtin høyrde Køllsetre. Leiga på 4 spd. 4 ort skulle betalast med arbeid i onnetida for 3 spd. og resten i andre årstider.

Barn til Gul og Anne:

1. Johannes f 1804 gm Beret Olsdotter Rustebakkeige, sjå nørdre Garthus 65/7. Johannes fekk i 1830 sonen Johan Bernt med Beret Sveinsdotter. Beret døydde i barselseng.
2. *Sjugurd* f 1807, neste brukar.
3. Anne f 1810 gm Ola Timannson Åmsrud, sjå Vika under Rustebakke.
4. Jon f 1815 d 1835.

5. Kari f 1820 g 1844 m Erik Andersson Eidsbakkatn f 1821. Dei budde i Nybrøta, og fekk her barna Olea f 1844, Anders f 1847, Gul f 1850 og Anne 1852. I 1853 reiste familien til Amerika.
6. Ågot f 1823 gm Kristafer Kristaferson Hølersetereige, sjå Leiteplassen 47/7.

Sjugurd Gulson Åseneige f 1807 d 1887 g 1. 1830 m *Tora Gudbrandsdotter Åsen,* Steinsetereige, f 1795 d 1874, enkje etter Arne Gunnarson Åsen. Dei budde fyrst ei tid i Sveinsbrøta, som Tora hadde fått overta i samband med skiftet etter Arne Åsen. I 1851 kjøpte Sjugurd Køllsetre av verbroren Erik Andersson Eidsbakkatn for 80 rd. Erik hadde kjøpt setra i 1846 for same sum av buet etter Johannes Gulson Garthus. I 1861 kjøpte Sjugurd Nybrøtin for 300 spd., utskild same år, og vart sjølveigar. Barn:

1. Gul f 1830 g 1853 m Siri Knutsdotter Storøydgardseige, Milevasslie 41/9, f 1825, til Amerika nokre dagar etter bryllaupet.
2. Anne f 1834 d 1834.
3. *Anne* f 1836, neste brukar.
4. Gudbrand f 1838 d 1838.

Sjugurd Gulson g 2. 1877 m *Anne Marie Hallsteinsdotter Nerby* f 1821.

Anne Sjugurdsdotter Nybrøtin f 1836 g 1856 m *Anders Andersson Smedmoen* f 1828. Dei er nemnde på Lybekk i 1858, men i Nybrøta frå 1862, som dei brukte saman med foreldra til Anne. Våren 1880 vart Nybrøtin med unnatak av Køllsetre og Branessetre bortleigd for eitt år til Anders av verja for Sjugurd. Frå 1881 leigde familien seg inn på Hølt. I 1884 reiste sonen Anton til Amerika. Sonen Syver og dottera Anne Marie reiste våren etter, og hausten 1885 reiste foreldra og resten av barna. (Valdres 7.5.1927.) Barn:

1. Syver f 1857.
2. Anne Marie f 1858.
3. Anton f 1862 d 1927. Sjugurd Hallvorson Skarabrøtin sendte Anton amerikabillett. Anton g 1. i Amerika m Kari Øilund, g 2. m Dorthea Olsdotter Brattrud frå nedre Brattrud 23/2. Foreldra hadde ein sorgfri alderdom hjå Anton. Farmen sin i Argyle, Wisconsin, kalla han Nybråten etter barndomsheimen i Åsebygden. Brørne vart også farmarar i nærleiken. Med hjelp frå Anton reiste fleire plassfolk frå Åsebygden over til Amerika, slik at eit lite samfunn med folk herifrå voks fram i Argyle. (Valdres 26.2. og 7.5.1927.)
4. Gudbrand f 1865, til Amerika 1885.
5. Tonetta f 1868, til Amerika 1885.
6. Andreas f 1871, til Amerika 1885.
7. Arne f 1875 d 1875.
8. Arne f 1876, til Amerika 1885.
9. Karine f 1881 d 1881.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 3 mål noko høglendt åker og dyrka eng, 30 mål noko steinut slåtteland, frå Køllsetren kom 6 skippund høy, hamninga var god, dei lauva 500 kjerv, og garden var tungbrukt. I 1865 hadde dei 5 naut, 8 sauer, 7 geiter, og sådde 1/16 tønne rug, 1/2 tønne bygg, 1 1/4 tønne blandkorn, 1/16 tønne erter, og 2 1/2 tønner poteter.

I 1881 selde Sjugurd Gulson ved verje for 800 kroner til *Ola Olson Bergabrøtin,* Sørflatdokke 27/10, f 1844 d

1930 g 1868 m *Inger Kristafersdotter Lundoeige,* Leiteplassen 47/7, f 1848 d 1928. Dei tok namnet Nybråten. Barn:

1. Ole f 1870 d 1872.
2. Marit f 1872 gm Anton Gunderson Ivarsbrøtin, sjå der, til Amerika.
3. Anne f 1875 d 1875.
4. *Ole* f 1876, neste brukar.
5. Kristoffer f 1878 d 1878.
6. Kristoffer f 1881 d 1881.
7. Kristoffer f 1882, til Amerika. G 1. m Dorthea Tronrud, Bagn, g 2. m Anne Grønhaug, Hedalen.
8. Anton f 1884 gm Kari Andersdotter Sæteren f 1882, til Amerika.
9. Kari f 1887 d 1897.
10. Anne Marie (Maria) f 1890 d 1944. Då ho vart vaksen, tok Anne Marie på seg tungt budeiestell både i Ådalen og på Hadeland. I fleire år passa ho mo si til ho døydde. Sidan flytta Anne Marie til ei lita stugu i Seterbygden, der ho budde saman med «Anne i Brøta». Her fekk ho seg ku, og onna til kua i alle slags utmarker og skar gras etter storvegen. Seinare reiste ho heim og kjøpte seg livaure hjå bror sin og brorsonen i Nybrøta. (Valdres 9.5.1944.)
11. Olaf f 1892 d 1894.

Ole Olson Nybråten f 1876 g 1902 m *Ragna Mathiasdotter Holden,* Nord-Aurdal, f 1883. Ole og Ragna reiste til Amerika like etter giftarmålet, men kom attende etter om lag ti år. I 1920 fekk Ole skøyte. Barn:

1. *Ole* f 1902, neste brukar.
2. Inga f 1906 gm Halstein Garthus, sjå søre Garthus.
3. Melvin f 1908 gm Anna Garthus, sjå søre Garthus.
4. Emma f 1910 gm Herman Sukke, Hedalen.
5. Anna f 1912 gm Torstein Eltun, Vang i Valdres.
6. Alma f 1914.
7. Selma f 1916 gm Sigurd Haraldsen, Begnadalen, sjå under Grimsrud.
8. Klara f 1918.
9. Hjalmar f 1921 gm Gerd Hansen, Drammen.
10. Einar f 1923 gm Målfrid Sand, Fagernes.

Ole Olsen Nybråten f 1902, eigar frå 1939, g 1931 m *Ragna Gudbrandsdotter Lia,* Hedalen, f 1905. Ole dyrka opp ein del åker kring 1955. Han restaurerte våningshuset, sette opp garasje, og bygde ny driftsbygning i 1959, kårbygning i 1973. Barn:

1. *Olav* f 1932, neste brukar.
2. Gunnar Reidar f 1934 gm Målfrid Karihus, Nord-Aurdal.
3. Sigrid f 1941 gm Per Sigtun, Lørenskog.
4. Rønnaug f 1945 gm Ole Hagaseth, Etnedal.

Olav Nybråten f 1932, eigar frå 1976, gm *Sigrid Lia,* Hedalen, f 1951. Barn:

1. Oddbjørn f 1974.
2. Svein f 1976.
3. Grethe Beate f 1979.

Nybrøtin har 26 da. innmark. Heimskogen er ca. 80 da., ved Køllsetre er det utskifta ca. 200 da. frå sameiga, og frå Åseskoge ca. 30 da. i 1950.

Seterflytting i 1937 til Køllsetre, setra til Nybrøtin. Dei mindre bruka i Åsebygden hadde krøtera sine på Køllsetren, der dei skifta på med seterstellet, — ei eldre form for fellesseter. Her kviler dei ved Kalde kjeldutn. Barna foran er frå venstre: Arne Garthus, Ragnhild Garthus og Olav Nybråten. Bakanfor sit frå venstre: Martin Hesjadalen, Halstein Garthus, Ole O. Nybråten sen., Helga Moen, med Ragnhild på fanget, Ragna Nybråten d.y. og Olava Lybekk. Bak til venstre står Ole O. Nybråten, Hjalmar Nybråten, Even Viken, Ole Hesjadalen, Anton Viken, Klara Nybråten, Anna Ingvarda Garthus og Inga Garthus.

Til Køllsetre gjekk setervegen over Gråberglegga på skrå opp gjennom søre Rødningslie, om Branessetre, Svarte Diket, og gjennom Heimskaret.

Før fødde dei 3—4 kyr, 2 ungdyr, 2 griser og nokre høner. I seinare tid har dei berre hatt sauer. Ole Nybråten d.e. kjøpte hest då han kom att frå Amerika, og dreiv med tømmerkøyring. Sonen Ole O. Nybråten d.y. heldt fram med dette så lenge han var brukar. Kring 1930 hadde dei revefarm.

I gamal tid var det kvern i *Kvednhusdale.*

Ivarsbrøtin bnr. 4

Ivarsbrøtin ligg nord for Åse, etter vegen til Hølera, inne i Storlie skog, som vart fråseld i 1803. Plassen var ikkje med i skoghandelen. Nøytsleretten i Storlien vart utskifta i 1916.

Ivarsbrøtin vart ofte feilaktig kalla *Rompopp.* Namnet har samanheng med den eldste vegen ein kjenner frå Åse til Hølera. Denne vegen gjekk på austsida av Åsemyro, over innmarka i Ivarsbrøta, om Hansebrøtahaugen, Hansebrøtin og ned til Begna gjennom Tronhusdalen. Frå Åse til nedst på innmarka i Ivarsbrøta er vegen ganske flat. Difor hengde dei ikkje baksele på hesten når dei køyrde frå Åse til Hølera før dei kom til bakken ved Ivarsbrøtin. Der tok dei opp rompa på hes-

ten og la på bakselen. Bakken kalla dei difor *Rompoppbakkin,* og namnet Rompopp vart så overført til bruket.

Den fyrste eller ein av dei fyrste husmennene må tydelegvis har vore ein *Ivar.* Men ikkje før i 1850-åra kjenner me sikkert namn på husmannsfolka.

Ola Olson Skarshaugen f 1814 d 1865 g 1850 m *Siri (Sigrid) Olsdotter Ellevsbakkatn* f 1825 d 1912. Dei er nemnde på Skarshauge 1850, på Hølt 1854, og i Brøta — Ivarsbrøtin — i 1856. Siri skulle ha hatt god sangstemme, og kunne på ståande fot laga rim og visor som ho song medan ho dikta. Barn:

1. Beret f 1850 gm Ole Nilsson Bjørgoeige (Oppheim), Nord-Aurdal.
2. Kari f 1854.
3. Kari f 1856 gm Ole Andersson Sveinedokke, sjå Hesjadalen 55/8.
4. Anton f 1859 gm Anne Olsdotter Langedragslie, sjå Huset 7/5 og 6.
5. Gunnar f 1861.

I 1865, då Siri hadde vorte enkje, losjerte systera hennar, Beret Olsdotter, og sonen til Beret, Anders Haraldson, hjå familien. Beret dreiv med baking. Sjå Øymoen 54/19 om desse to sistnemnde.

Det var ikkje mykje å leva av i Ivarsbrøta i 1865. Siri hadde 1 ku, 2 sauer, og sådde 1/8 tønne rug og 1/2 tønne poteter.

Siri Olsdotter g 2. 1866 m *Ola Olson Sørflate,* sjå Heimen under øvre Tronhussetren.

Ola Kristianson Skarseige gm *Marit Andersdotter Eidsbakkatn* er nemnde i Ivarsbrøta frå 1872, og i Sveriplasse frå 1879, sjå der.

Gunnar Olson Lundehalle, Søreng 50/30, f 1826 d 1917 g 1856 m *Lisbet Olsdotter,* dotter til Ola Larsson Hansebrøtin og Kari Larsdotter Langbrøtin. Ola Larsson var mogleg bror til Lars Larsson Garthushaugen. Lisbet var f 1827, venteleg d 1908. Dei var husmannfolk i 1891, og budde i Tronsplasse 1865 og -75. Gunnar høyrde til «Slesvik-karatn», dei som hadde vorte mobiliserte til krigen om Slesvig-Holsten, som tok til i 1848. Gunnar var ein dyktig skinnfellmakar. Barn:

1. Marit f 1856 gm Johan Haldorson Erstadbrøtin, sjå Gjerdinge 24/3.
2. Ole f 1858 gm Inger Andersdotter Setereige, sjå Brøtalie 55/9.

Siri (Sigrid) Ivarsbrøtin f Ellevsbakkatn i Reinli 1825 og dottera Olave Nylund. Siri var god til å synge, og kunne mange folketonar. Sume av dei er oppskrivne.

3. Lars f 1860, skomakar, gm Tora Gudbrandsdotter Ølmhuseige, sjå Hauglund under øvre Tronhussetren.
4. Arne f 1863 d 1931, heradsblinkar.
5. Kari f 1867 gm Thorvald Olson nørdre Langedragslie.
6. Gunhild f 1871 d 1871.
7. Anton f 1874 g 1900 m Marit Olsdotter Nybråten f 1872, til Amerika. I Ivarsbrøta fekk dei barna Gunnar f 1901 og Elisa f 1903.

Etter skylddeling i 1917 skøytte Kristofer Eid bruket i 1918 til *Anton Ole Andreasson Storbråten,* Storbråtån under nørdre Haugsrud, f 1891 d 1984 g 1914 m *Tonetta Olsdotter Løkken,* Heiebrøtin 56/6, f 1887 d 1966. Anton var ein flink skogskar, og braut opp mykje åker i Ivarsbrøta. Tonetta var ofte borte og hjalp til med m.a. baking og matlaging. Barn:

1. Marit f 1915 gm Kristian Havn, Otta.
2. *Andreas* f 1916 d 1986, eigar frå 1938.
3. Ole f 1918 d 1984.
4. *Martin* f 1920 eigar frå 1986, g 1987 m *Magna Gudrun Kløvstad,* Sveinsbrøtin, f 1926, sjå nedafor.
5. Olea f 1923, gift og busett i Solør.
6. Synnøve f 1931 gm Johan Rønningen, Otta.

I 1978 sette Andreas opp driftsbygning, og dreiv med sauer. Han bygde òg til og restaurerte ein del på hovudbygningen. Ole var lenge bygningssnikkar i Oslo, men dei siste åra budde han heime og dreiv med snikkararbeid i heimbygda. Magna Gudrun og Martin bur på bruket. Martin dreiv mykje med skogsarbeid, men har trappa noko ned med det, og driv med sauer. Han har òg fullført restaureringa av hovudbygningen.

Ivarsbrøtin har 15 da. innmark.

Sveinsbrøtin (no Åsheim) bnr. 6

Sveinsbrøtin nokre hundre meter ned for Åse er mellom dei eldste plassane, rydda i fyrste halvdel av 1700-talet.

I 1751 ferda Anders Gunnarson Åsen ut bygselsetel på plassen Sveinsbrøtin til *Svein Gunnarson* og kona hans, *Taran Hallvorsdotter,* for levetida til båe. Svein hadde sjølv rydda og gjerda inn plassen. Årleg leige var 1 rd. 1 ort. Truleg er Svein den Svein Åsen som i 1729 var far til ei Siri. Siri Sveinsdotter Åsen døydde i 1746.

Neste kjende husmannfolk er *Arne Haraldson Juve,* frå ein stad under Garthus, f 1757 d 1821 g 1784 m *Gunhild Kristafersdotter nedre Jukam* f 1762 d 1853 i Høvda. Dei er nemnde i Juve 1787, men var på Åseneige — Sveinsbrøtin — frå 1790. Barn:

1. Marit f 1785 gm Hallvor Olson Piltingsrud. Dei fekk dottera Kari i 1824. I 1819 fekk Marit dottera Maria med Per Olson frå Sverige. Maria gm Ola Jonson Bondli, sjå Bondli 78/7.
2. Beret f 1787 gm Mikjel Gudbrandson Vassfaret, sjå Mikjelsplassen i Vassfaret.
3. Harald f 1790 drukna 1806.
4. Kristafer f 1793 g 1. m Ingrid Olsdotter Grimsrudeige, sjå under Grimsrud, g 2. m Rannei Timannsdotter Nordbyhaugen, sjå der.
5. Sofie f 1796 gm Ola Tåmåsson Åseneige, sjå Moen 55/7.

6. Hans f 1800 gm Kari Ivarsdotter Rustebakkeige, sjå nedre Tronhussetre 54/6. Dei budde fyrst i Høvda.
7. Anne f 1804 gm Ola Arneson Tronhussetre, sjå øvre Tronhusseterbrøtin.
8. Harald f 1807 gm Anne Sveinsdotter Langedragseige, sjå Brøtalie 55/9.

På skiftet etter Arne Gunnarson Åsen, slutta i 1825, vart avtala at Tora Gudbrandsdotter, enkje etter Arne, skulle få bruke Sveinsbrøtin for levetida si.

Tora kunne rydde ei sumarseter i den såkalla Åserødning. For plassen skulle ho svara 24 skilling året i dei fyrste 15 åra, deretter 4 spd. i arbeid eller 5 spd. i pengar.

Tora Gudbrandsdotter fekk i 1825 dottera Marit med Ola Larsson Tronhus frå Langbrøta. Marit gm Sjugurd Hallvorson Milevatnet, sjå Skarabrøtin under Skaro. I 1830 gifta Tora seg opp att med *Sjugurd Gulson Åseneige* frå Nybrøta. Dei budde i Sveinsbrøta ei tid, men flytta sidan til Nybrøtin, sjå der, som Sjugurd kjøpte i 1861.

Hallvor Olson Hølersetre f 1818 g 1854 m *Kjersti Olsdotter søre Øyhus* f 1824, er nemnde i Sveinsbrøta 1855—68. Barn:

1. Ola f 1846, til Amerika 1868.
2. Torvald f 1855.
3. Gjertrud f 1858.
4. Tora f 1860.
5. Kari f 1863 d 1864.
6. Marit f 1863, tvilling med Kari.
7. Ole f 1868.

I 1865 hadde dei 2 naut, 8 sauer, 3 geiter, og sådde 1/2 tønne bygg, 1 1/2 tønne blandkorn og 3 tønner poteter.

I 1865 budde også son til Kjersti Olsdotter, *Kristian Kristianson,* f 1845, i Sveinsbrøta, og var tømmerhoggar. Far hans var Kristian Kristianson Koparvike, sjå Nilsebøle 50/13. Kristian d.y. gifta seg med *Karen Hansdotter.* Dei er nemnde i Renna under Garthus 1867, i Sveinsbrøta 1869—73, og i Seterbrøta 1874 og -75. I 1875 reiste dei til Amerika med barna Hans 8 år, Kristian 6 og Halstein 4 år. Barn som me elles kjenner:

1. Kjersti f 1867.
2. Halstein f 1869.
3. Bertine f 1872.
4. Ole f 1873 d 1874.
5. Ole f 1875 d 1875.

Anders Larsson Klauvstad, Klauvstad og Tordebrøtin, f 1843 d 1886 g 1863 m *Inger Bertine Andersdotter Storsvee,* søre Roo 15/2, f 1839 d 1897. Dei er nemnde på Åseneige 1871 og -74, og var i Sveinsbrøta 1875 og -78. Båe døydde på Ølmhuseige. Barn:

1. Lars f 1864 d 1864.
2. Anders f 1865 gm Synnøve Jensdotter, sjå Ølmhushagin 53/18.
3. Inger f 1868 gm Ole Gunderson Iversbråten, sjå Brøtalie 55/9.
4. Ole f 1871 gm Kari Halvorsdotter Knatten, sjå Hundehengja 36/2.
5. Martin f 1874 gm Anne Nikolaisdotter Bøhle, sjå Nilsebøle 50/13.
6. Gunhild f 1878 gm Andreas Arneson Bjørneskaret.

Bjørn Bjørnson Storsveeige, Storsvelykkja, f 1846 g 1875 m *Ingebjørg Larsdotter Klauvstad,* Klauvstad og Tordebrøtin, f 1832 d 1905, var i Stors-

velykkja 1875, men er nemnde på Åseneige 1877 og i Sveinsbrøta 1883. Frå fyrste ekteskap med Ola Olson Brue, sjå Heggerud under Mikjelsøydgarde, hadde Ingebjørg barna Ole f 1864 d 1883 og Olea f 1869. Olea reiste til Amerika. Kring 1903 flytta denne familien til nedre Tronhussetre. Barn:

Gunhild f 1877 gm Bjørn Syverson Dokken, sjå nørdre Lie 1/24.

Deretter stod plassen tom til 1914, då *Ole Tollefson Moen,* kona *Anne Sofie Nilsdotter* og yngste son deira, Kristoffer, leigde seg inn til 1917. Då flytta dei til Tordebrøtahagin, sjå Moen 55/7.

Frå 1903 til -17 var det Ole Aasen som onna Sveinsbrøtin.

Olaf Olson Hesjadalen og kona *Anne Olsdotter Lien* budde i Sveinsbrøta frå 1917 til -21, då dei reiste til Amerika, sjå Hesjadalen 55/8.

I 1921 kom *Gustav Adolf Fredriksen,* f 1892 i Hov i Land, d 1961, til Sveinsbrøtin. Han tok seinare namnet Darell. G 1916 m *Anne Marie Olsdotter Hesjadalen* f 1895 d 1966. Far til Anne Marie, Ole Hesjadalen, var med til Sveinsbrøtin. Dei flytta stugu ca. 15 m nedover bakken, dit ho står no. På sørsida av låven bygde dei stall. Gustav var svært interessert i hestar, og ved handel og byte heldt han seg med gode hestar på ein billeg måte. Det drog han nytte av som tømmerkøyrar. I 1936 kjøpte Gustav og Anne Marie Darell tomt frå Klauvstad, og bygde Solberg 54/38. Barn:

1. Ole f 1915 d 1978.
2. Kari f 1917 gm Torvald Rud, Begnadalen.
3. Asbjørn f 1919.
4. Randolf f 1921 gm Gudrun Tjelmeland, Hardanger.
5. Arne f 1922 gm Kari Haugen, Bagn.
6. Olav f 1924.
7. Magna Gudrun f 1926 gm Ole Larsson Kløvstad.
8. Aslaug f 1928 gm Arne Krohn, Nesodden.
9. Kolbjørn f 1931 gm Solbjørg Rødningen, Koppang.

I nokre år stod no bruket tomt. Deretter flytta *Ingvar Trondson Bråten,* Bråtån 67/9, f 1904 g 1927 m *Guri Tidemandsdotter Dyve,* Ellevsbakkatn 13/14, f 1908, hit. Dei budde i Sveinsbrøta til hausten 1949, då dei kjøpte Gulhaug i Ulnes og flytta dit. Barn:

1. Aslaug f 1927.
2. Torbjørn f 1929.
3. Sverre Thoralf f 1932.
4. Sigrid f 1934.

Ved denne tida hadde Kristofer Eid overdrage Sveinsbrøtin og Nysetre til sonen *Olav Eid* f 1908 d 1981. I 1944 vart bruket utskilt, og Olav Eid kalla det Åsheim. Olav overtok også halvparten av Rustebakke skog. Olav søkte om å få Sveinsbrøtin godkjend som bureisingsbruk, men søknaden vart avslått. Olav Eid budde i Åse saman med foreldra. I 1963 døydde mor hans, Kari Eid, den siste attlevande av foreldra, og Olav flytta då til Sveinsbrøtin. Han restaurerte stugu ein del. Olav hadde hest, og dreiv mykje med tømmerkøyring. Han braut også opp noko åker på Åsheim.

På sine eldre dagar selde Olav Eid Nysetre til brorsonen Gunnar Åsen.

Åsheim selde han til bror sin, *Kjell K. Eid.*

Åsheim har 10 da. innmark.

Moen bnr. 7

Moen, som ligg mellom Sveinsbrøtin og Nybrøtin, er i førre hundreåret også kalla *Nymoen.* Det kan tyde på at plassen ikkje er av dei eldste under Åse. Me veit likevel at det budde folk her så tidlig som kring 1820.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Eivind Hansson Garthus,* Ølmhuseige, f 1788 d 1874 g 1812 m *Anne Olsdotter Garthus,* f ca. 1781 d 1867. Dei er nemnde på Garthus 1807, på Fønnhuseige 1812, og på Åseneige 1815—25. I Valdres 8.5.1915 er det opplyst at den yngste sonen, Ivar, var fødd i Moe under Åse, og rimelegvis var familien her allereie i 1815. Dottera Tora var kalla Åseneige i 1833 og -34. Eivind og Anne døydde som legdsfattige andre stader. Barn:

1. Gunhild f 1807 gm Ola Sjugurdson Sørumseige, sjå Djupedalen under Sørum.
2. Tora f 1812 d 1834 fekk i 1833 dottera Beret med Anders Gunnarson Garthus. Beret gm Torgrim Andersson Strømmen, sjå Strømsmoen. Det var meininga at Tora og Anders skulle gifte seg, og bryllaupsdagen var alt bestemt då Tora døydde. Anders gifta seg i 1846 med Taran Andersdotter Strømmen, og åtte Strømsmoen.
3. Hans f 1815 gm Inger Hansdotter Sørum, sjå Gullberg 56/9.
4. Kari f 1818 gm Anders Andersson Strømmen, sjå under Strømmen.
5. Ola f 1821 gm Beret Ivarsdotter Rustebakkeige, sjå Tordebrøtahagin 53/3.
6. Ivar f 1825 gm Guri Olsdotter Sørflatseige, sjå Milevatnet 38/4.

Ola Tåmåsson Åseneige frå Høvda f 1808 g 1828 m *Sofie Arnesdotter* frå Sveinsbrøta f 1796, er nemnde både på Åseneige og Tronhuseige. I 1843 er bustaden kalla Åsenmoen. Dei reiste til Amerika i 1853. Barn:

1. Tåmås f 1828 d 1848 av tæring.
2. Gunhild f 1831 g 1853 m Ola Andersson Eidsbakkatn, til Amerika 1853.
3. Arne f 1833, til Amerika 1853.
4. Knut f 1836, til Amerika 1853.
5. Beret f 1840.
6. Ola f 1843.

Frå 14. april 1853 fekk *Amund Amundson Hansebrøtin* g 1853 m *Gudbjørg Hansdotter Strømmen,* sjå Hansebrøtin 54/7, brukskontrakt på Moen og Høvdasetre i 20 år. Bruksretten var gjenyting for eit lån til Ola Åsen på 250 spd. i staden for at Ola skulle svara renter. Amund døydde i 1874. Gudbjørg Hansdotter, som før hadde vore gift med Ola Olson Haugsrudeige, sjå under Sørum, døydde i 1863.

I 1865 brukte *Sjugurd Andersson Smedmoen* f 1843 g 1865 m *Gudbjørg Østensdotter Sørumseige,* Mikjelsplassen under Sørum, f 1843, Moen saman med Amund Amundson. I 1871 fekk dei husmannskontrakt.

Leiga på 5 spd. skulle betalast med vårarbeid i 14 dagar, 16 dagars slått, lauve 200

kjerv, 5 mål skur, rakst i 6 dagar, 8 dagars haustarbeid og 10 dagars vinterarbeid. Barn:

1. Anne Maria f 1866.
2. Anton f 1867.
3. Ole f 1868.
4. Elisabeth f 1870.
5. Anne f 1873 (januar) d 1873 av kikhoste.
6. Anne f 1873 (desember).
7. Gunhild f 1876.
8. Gudbrand f 1879.
9. Kristoffer f 1882.

I 1865 hadde dei 2 naut, 7 sauer, og sådde 1/2 tønne bygg, 3/4 tønne blandkorn, 1/16 tønne erter og 2 tønner poteter.

Frå 1884 er *Anders Haraldson* f 1857 d 1890 g 1883 m *Tora Gudbrandsdotter Ølmhuseige* f 1847, nemnde på Moe. Anders var systerson til Siri Ivarsbrøtin og son til Beret Olsdotter Ellevsbakkatn og Harald Andersson Smedsrud, sjå Øymoen 54/19. Tora var dotter til Gudbrand Arneson Storsvee, truleg frå Storsvelykkjun, og Kari Olsdotter, venteleg frå Massingmoe. Barn:

1. Bertine f 1884 gm Gudbrand Andersson Kristiansmoen.
2. Kari f 1886 gm Paul Torsteinson Storbråten (Langbråten), sjå nørdre Langbråtån under Sørum.

Tora Gudbrandsdotter g 2. 1898 m *Lars Gunderson Ivarsbrøtin,* sjå Hauglund under øvre Tronhussetren.

Husmannsfolk i 1900 var *Ole Johannesson Askvik* frå Søndre Land f ca. 1863 gm *Beate Cecilie Johansdotter,* også frå Søndre Land, f ca. 1869. Ole var tømmerhoggar, og ofte kalla «Moa-lendingen» av di han var frå Land. Dei reiste til Amerika kring 1903. Barn:

1. Karen Mathea f 1890.
2. Kristine f 1894.
3. Janna Marie f 1896.
4. Inga f 1900.

Etter desse kom *Ole Tollefson Øyhuseige,* Bjørgoeige, Nord-Aurdal, f ca. 1854 d 1925 på Lillehammer sykehus g 1882 m *Anne Sofie Nilsdotter Hølersetre,* Kølplassen under søre Øyhus, f 1859 d 1935, til Moen. Ole var frå eit bruk som heitte Meisen, og difor ofte kalla «Meisin», men likte det ikkje. Dei er nemnde på Øyhuseige 1883, på Lundoeige 1886, budde i Brøtalien 1891, i Seterbrøta 1893 og -94, og på Eidsmoe 1902. I Moe budde dei til 1914. Dei fire eldste barna reiste til Amerika i ung alder. Foreldra og den yngste sonen, Kristoffer, leigde hus i Sveinsbrøta til 1917, og flytta så til Tordebrøtahagin. Kristoffer var til slutt på ein gard på Eina. Barn:

1. Thomas f 1883.
2. Guri f 1886.
3. Kari f 1889.
4. Nils f 1893 d 1893.
5. Nils f 1894.
6. Kristoffer f 1902.

Til Moen flytta i 1917 *Even Ellefson Viken,* Vika under Rustebakke, f 1879 d 1941 g 1914 m *Maren Martinsdotter Pikhaug* f 1891 d 1978, dotter til Martin Martinsen, på Vadhammer, og Berit Hansdotter Pikhaug, sjå Høgloft.

Even var ein dyktig og allsidig arbeidskar. Gjennom mange år var han bygdeslaktar, og hadde fått opplæring som slaktar av Per Maribo. Even var nesten høgre hand for bonden i Åse — Kristofer Eid — skriv Oswald Garthus i Valdres 17.12.1940. Barn:

1. Gunhild f 1914 d 1926.
2. Borghild f 1914, tvilling med Gunhild, gm Martin Solli, Hedalen.
3. Ragna f 1916 gm Alfred Lønnum, Bagn.
4. Mathea f 1917 gm Lars Skogstad, Begnadalen.
5. *Ellev* f 1918, neste brukar.
6. Anton f 1920 gm Thordis Larsen, Raufoss.
7. Ola f 1921 gm Gunvor Lien, Leirskogen, sjå Grønmo 55/10.
8. Helga f 1924 gm Åge Eriksen, Nærsnes.
9. Kari f 1926 gm Arne N. Hansen, Bærum.
10. Gunnar f 1927, bur i Moe.
11. Gunhild f 1931 d 1932.
12. Gunhild f 1933 gm Knut Sønåsen, Lyngdal.

I 1946 kjøpte *Ellev Viken* f 1918 bruket, g 1958 m *Bergljot Rustebakke,* Garthus, f 1933.

Moen, 450 m o.h., har 21 da. dyrka jord i til dels bratt sørhelling. Frå 1966 vart drifta omlagd til sauehald, før hadde dei eit par kyr, 2—3 kalvar, 1 gris og nokre sauer.

På det gamle tunet var stugu frå om lag 1850, uthus med stall, låve og fjøs, og eit stabbur. No er husa våningshus frå 1957, fjøs frå 1975, bygt inntil låven, vedskjul 1935, stabbur, grisehus 1961 og garasje 1965.

Grønmo bnr. 10

Bustadhus på tomt utskild frå Moe i 1955 til *Ola Moen* f 1921, skogsarbeidar, gm *Gunvor Lien,* Leirskogen, f 1934. Barn:

1. Egil Gunnar f 1958 gm Marit Bakken, Bagn, f 1957. Dei har dottera Heidi f 1978.
2. *Steinar* f 1958, eigar frå 1987, har dottera Henriette f 1978. Dei bur på Grønmo.
3. Åse f 1970 d 1971.
4. Tor Magne f 1971.

Hesjadalen bnr. 8

I Hesjadale like innunder Gråberge er det høge åkerreiner, som tyder på tidleg busetnad.

Dei fyrste me kjenner her, er *Arne Hallvorson Bakkatn* gm *Siri Arnesdotter Bagnseige,* sjå Åmot under nedre Roo og nedre Roo 15/2. Dei er nemnde på Åseneige og i Hesjadale i 1845 og -48. I 1849 kjøpte Arne nedre Roo 15/2, og i 1853 reiste familien til Amerika.

Gudbrand Arneson Åsli, mogleg Steinsrud og f 1788, d 1859 g 1822 m *Kari Mikjelsdotter Klauvstad,* Klauvstad bruk I, f 1798 d 1873, kan ha budd ei tid i Hesjadale. Gudbrand var husmann på Åseneige då han døydde, og to av barna var kalla Åseneige då dei gifta seg. Ingebjørg f 1839 er nemnd som Hesjadalen ved giftarmålet i 1873. Gudbrand og Kari er nemnde på Åsli 1823 og -27, i Eid/Trettebrøta 1829—34, på Bagn 1837 og i i Langbrøta 1839. Barn:

1. Jøren f 1823 gm Anders Olson Ar-

nebråtån, Hedalen, sjå Svingen under vestre Piltingsrud, til Amerika.
2. Gunhild f 1827, til Amerika 1861.
3. Arne f 1829.
4. Arne f 1831 gm Inger Embreksdotter Haftonseige, sjå Leikebakke.
5. Marit f 1834 gm Ivar Hansson Hansebrøtin.
6. Ingebjørg f 1837 d 1838.
7. Ingebjørg f 1839 gm Ola Østenson Mikjelsplassen, sjå Åslibakken. Ingebjørg fekk i 1860 dottera Gunhild med Knut Olson Tronhus.

Husmannfolk i 1865 var *Ola Hallvorson Milevatnet* f 1834 g 1857 m *Marit Larsdotter Klauvstad,* Klauvstad og Tordebrøtin, f 1830. Dei er nemnde på Åseneige frå 1859, som vel var Hesjadalen. I 1870 reiste dei til Amerika frå Blekkelia under vestre Piltingsrud. Barn:

1. Kari f 1857.
2. Ingrid f 1858 d 1859.
3. Ola f 1859.
4. Inger f 1864.
5. Gunhild f 1866.

I 1865 hadde dei 2 naut, 8 sauer og 2 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg og 1 1/4 tønne poteter.

Ivar Olson Sørflate, Plassen 38/8, f 1833 g 1860 m *Olaug Bårdsdotter Ølmhuseige,* Bjørke under Ølmhus, f 1831, var husmannsfolk i 1875. Dei er nemnde på Åseneige frå 1869. Til 1865 er dei nemnde i Rundbrøta under Sørflaten, og i 1866 på Gladhaug. Ivar og Olaug med fleire barn reiste til Amerika i 1886. Barn:

1. Siri f 1861 gm Gudbrand Andreasson søre Finnøya.
2. Ole f 1863 d 1863.
3. Birthe f 1864, til Amerika 1886.
4. Sofie f 1866.
5. Gunhild f 1869.
6. Anne f 1872, til Amerika 1886.
7. Olea f 1874, til Amerika 1886.

Neste husmannsfolk var *Ole Andersson Sveinedokke* f 1859 d 1941 g 1883 m *Kari Olsdotter Åseneige,* Ivarsbrøtin 55/4, f 1856 d 1945. Dei er nemnde i Sveinedokken 1883, i Seterbrøta 1885, på Åseneige 1886, og i Hesjadale frå 1888. Ole dreiv ein del med skogsarbeid frå sine yngre dagar, og få hogg så pent tømmer som han, vart det sagt. Det same handlaget i skogen lærde han sønene. Ole dreiv elles med tømring, snikring og reparasjonsarbeid, og det var alltid han som vart bodsend når slike oppgåver skulle gjerast i Åse. På sine eldre dagar og til ca. 1936 var Ole landpostbod på ruta Hølera-Åsen. Deretter overtok son hans, Martin Hesjadalen. Dei siste åra sine budde Ole og Kari hjå dottera Ingrid og versonen Arne Tronsplass på Solheim. Kari bad like før ho døydde om at Ingrid og Arne kunne få kjøpe Hesjadalen, der ho sjølv hadde budd størsteparten av livet, og slik gjekk det. Barn:

1. Ole Andreas f 1883 d 1951 gm Sigrid Syversdotter Sjerpingen, Ulnes, f 1883 d 1936. Barn: Olav f 1912 og Hjørdis 1919.
2. Arne f 1885 d 1970, til Amerika 1906.
3. Dorthea f 1886 d 1964, til Amerika 1912. Gm Carl Haug.
4. Olaf f 1888 d 1973 g 1915 m Anne Olsdotter Lien, Knutsonlie 22/12, f 1888 d 1978. Til Amerika 1921.

Stugu i Hesjadale i 1919. Til høgre snikkarhuset til Ola Hesjadalen. Til venstre i kvit kjole Ingrid Olsdotter Hesjadalen, Marie Olsdotter sit på trappa med sonen Asbjørn, og til høgre foreldra Ola og Kari Hesjadalen.

Barn i Sør-Aurdal: 1. Ola f 1916. 2. Oddvar f 1917 og 3. Kolbjørn f 1919.

5. Martin f 1890 gm Berthe Olsdotter Trettebråten, sjå Brøtalie 55/9.
6. Sigrid f 1893, til Amerika 1912. Gm Carl Gilbertsen.
7. Anne Marie f 1895 gm Gustav Adolf Darell, Hov i Land, sjå Sveinsbrøtin.
8. *Ingrid* f 1897, neste brukar.
9. Olava f 1899 d 1900.
10. Olga f 1905 gm Ole Olson Tronsplass f 1904, sjå Solheim 54/18.

I 1946 vart Hesjadalen utskild, og seld same år til *Arne Olson Tronsplass* f 1900 g 1930 m *Ingrid Olsdotter Hesjadalen* f 1897 d 1970. Dei åtte Solheim 54/18 frå 1930, men selde Solheim til Olga og Ole Tronsplass då dei flytta til Hesjadalen. Barn:

1. *Ole* f 1933, eigar no, bilmekanikar, gm Olaug Kristine Øyen, Fagernes, busette på Fagernes. Barn: 1. Ann Helen f 1962 d 1962. 2. Inger Grete f 1963 gm Aksel Erlend Kopperud, busette på Fagernes. 3. Arne Håvard f 1966. Tove Anita f 1974.
2. Kari Oddveig f 1935, busett i Drammen, før gm Halgrim Haugen, Bagn. Barn: 1. Ingrid Marit f 1961. 2. Gro Anita f 1970. 3. Haldis Kristin f 1974.

Hesjadalen er i alt på ca. 115 da., av det 20 da. dyrka jord som øvst er

noko bratt. Nedre delen av innmarka er flat og myrlendt. Det var fleire små åkrar då Arne Tronsplass kjøpte. Han dyrka opp meir, og fekk laga samanhangande jordveg. Husa er våningshus 1896, uthus og stabbur.

Brøtalie bnr. 9

Brøtalie ligg i sørvend helling ved vegen og litt nord for Hesjadale, 470 m o.h. Namnet må vera avleidt av eit eldre namn Brøtin, kan hende Sveinsbrøtin i aust, som var teken opp før 1750.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Ellend Arneson Tronhus,* Hellandshølen, f 1758 d 1841 g 1793 m *Siri Mikjelsdotter Navrud,* Hellinge 11/4, f 1765 d 1852. Dei er nemnde på Vøllseige 1794, men var i 1801 husmannsfolk under Åse. Dei budde i Brøtalien, som er direkte nemnd då Ellend i 1810 var kreditor i buet etter Tåmås Knutson og Beret Olsdotter i Høvda. Barn:

1. Beret f 1794 d 1817.
2. Arne f 1804 gm Gunhild Olsdotter Tronhuseige, sjå Gudmundslie 22/16.

Harald Arneson Åseneige, Sveinsbrøtin, f 1807 d 1840, drukna saman med fem andre i Begna, g 1832 m *Anne Sveinsdotter Langedragseige,* Sveinedokke under Langedrag, f 1808, kan ha budd i Brøtalien. I 1840, då Anne var enkje, fekk ho husmannskontrakt på plassen, og må vel difor alt ha kome hit. Harald og Anne er nemnde på Garthushaugen 1833 og i Langbrøta 1836. Barn:

1. Andreas f 1833, til Amerika 1853.
2. Arne f 1836, til Amerika 1854.

Dei ti fyrste åra skulle Anne svara 5 spd. årleg. Deretter skulle ho skaffe ein vaksen kar til å arbeide i Åse på fastsette vilkår. I 1851 fekk Gudbrand Andersson, som Anne var oppattgift med, rett til å bruke Brøtalie for levetida si, men overlet plassen til Arne Åsen i 1854.

Anne Sveinsdotter g 2. 1844 m *Gudbrand Andersson Eidsbakkatn* f 1823. Dei reiste med alle barna samt sonen Arne frå det fyrste ekteskapet til Anne, til Amerika i 1854. Barn:

1. Anders f 1844.
2. Olea f 1846.
3. Gunhild f 1849.
4. Hans f 1852.

Husmannfolk i 1865 var *Knut Toreson,* mogleg son til Tore Hallsteinson Bjørgoeige og Ingrid Knutsdotter Framgardseige, f 1821 g 1855 m *Anne Maria Olsdotter Steinsetereige,* Lindokke under Steinsetren, f 1831. Dei kom nok til Brøtalie rett etter dei førnemnde husmannsfolka. I 1855 er Knut kalla Åseneige, og to år etter er namnet Brøtalie brukt. I 1870 var dei på Hesjabakken. Barn som me kjenner:

1. Inger Maria f 1857 d 1871.
2. Olea f 1863.
3. Anton f 1870.

I 1865 hadde dei 2 naut, 6 sauer, og sådde 1/4 tønne bygg, 3/4 tønne blandkorn og 1 1/4 tønner poteter.

I 1875 var *Andreas Trondson* og *Beret Olsdotter* husmannsfolk, sjå Øymoen 54/19.

Erik Olson frå Massingmoe, ved giftarmålet i 1879 kalla Åseneige, og kona *Anne Mikkelsdotter Steinsbrøtin* er nemnde i Brøtalien 1882—84, og var i 1889 i Tordebrøtahaga, sjå der.

Ole Tollefson frå Nord-Aurdal gm *Anne Sofie Nilsdotter Hølersetre* var husmannsfolk i 1891. I 1893 var dei i Seterbrøta, sjå Moen 55/7.

Ole Gunderson Sandvike, Ivarsbrøtin 55/4, f 1858 d 1893 i Brøtalien g 1887 m *Inger Andersdotter Setereige,* Sveinsbrøtin, f 1868. Dei er nemnde i Sandviken 1888 og -90, men på Åseneige, rimelegvis Brøtalie, frå 1892. Inger vart enkje med ansvar for fem små barn då Ole døydde, berre 35 år gamal. Men det greidde ho godt. På sine eldre dagar var Inger mykje i Åse og hjalp til. Om sumaren sat ho ofte på setra med krøtera til Åsen og hadde også med seg sine eigne kyr.

Noko av det fyrste Ole Aasen gjorde då han kom til garden i 1894, var å få bygd ny stugu i Brøtalien. Den gamle var svært skral.

Barn til Ole og Inger, alle til Amerika, sjå nedafor:

1. Gunnar f 1888 g 1912 m Ingrid Gunvaldsdotter Gullberg, Finhert 39/24, d 1891. Dei bygde Bergtun i Garthusgrenda. Gunnar var kjend som ein særs flink gråsteinsmurar. Han har mura gråsteinsmuren under nedre bygningen i Åse. Barn i Noreg: 1. Oddmund f 1913. 2. Arne f 1914. 3. Inga f 1917. 4. Borghild f 1919.
2. Inga f 1890, hadde butikkplass i Hønefoss.
3. Anders f 1890, tvillingbror til Inga, g 1915 m *Elise Olsdotter Lien,* Knutsonlie 22/12, f 1892. Dei busette seg i Brøtalien. Barn i Noreg: 1. Inga f 1916. 2. Maria f 1917. 3. Ole f 1919. I Amerika fekk dei sju barn.
4. Elling f 1892.
5. Ole f 1894.

Elling og Ole reiste til Amerika i ung alder, men kom heim att hausten 1919 og var i Brøtalien om vinteren. I mars 1920 reiste dei til Amerika att, no saman med mor si og alle syskena sine med familiane deira.

Frå 1921 og i om lag to år leigde *Johan Kolsrud* og *Helga Løkken* husrom i Brøtalien.

I 1924 kom *Martin Olson Hesjadalen* f 1890 d 1970 g 1918 m *Berthe Olsdotter Trettebråten* f 1891 til Brøtalie. Martin kjøpte bruket, utskilt i 1946, etter avtale frå 1945. Martin Hesjadalen dreiv med skogsarbeid og var tømmermann. Som far sin var han altmoglegmann når noko skulle reparerast i Åse. Berthe arbeidde ein del som sydame før ho gifta seg. Barn:

1. Signe f 1920 gm Arne Skogstad, bur på Hardhaug i Hedalen.
2. Ole f 1922 gm Ingun Lisbakken, busette i Gjøvik.
3. Oddvar f 1926, bur i Brøtalien.
4. *Kåre* f 1932, eigar frå 1972, g 1. 1960 m Borgny Tømmerås, Leksvik, f 1934 d 1969. Barn: 1. Tor Helge f 1961 gm Gerd Ristebråten, Ulnes, f 1963. Dei bur på Vinstra, og har barna Linda f 1986 og Stian f 1988. 2. Magnar f 1965. Kåre Hesjadalen g 2. 1986 m Gunvor Moen, f Lien på Leirskoge 1934.

Brøtalien har 8 da. dyrka jord, 8 da. anna innmark og skog til reparasjonar. Ein liten åker heiter *Sandhaugen.* Til

Martin Olson Hesjadalen f 1890 og kona Berthe Olsdotter f Trettebråten 1891 utafor stugu i Brøtalien. Martin kjøpte Brøtalie etter avtale i 1945.

1961 hadde dei krøter, seinare har dei hatt sauer. Husa er stugu 1896, våningshus 1958, låve ca. 1850 med tilbygt fjøs 1938, lagerhus 1955 og stabbur ca. 1850.

Moathun

Bustadhus på tomt utskild frå Hesjadale. Ole A. Tronsplass selde i 1982 til *Marit* og *Egil Gunnar Moen*. Marit vart eigar i 1984.

Høvda

I lia nedunder Høvdaknatte, vestsørvest for Åse, låg Høvda. Denne plassen var seinast rydda i siste tiåra av 1700-talet, men nedlagd før 1850. På kartet frå 1839 er Høvda innteikna. Namnet finst fleire stader i Sør-Aurdal. Det kjem av gamalnorsk *hǫfði* m., avleidt av *hǫfuð* n., hode, brukt om ein framstikkande fjellpynt e.l.

Dei fyrste kjende husmannsfolka er *Knut Tåmåsson Åseneige,* Tåmåsbrøtin under Steinsetren, — «Høvda-Knut» — truleg f 1743 d 1818 g 1775 m *Gudbjørg Olsdotter Tronhuseige,* Langbrøtin av Tronhus, f 1746. Barn:

1. Tåmås f 1776, sjå nedafor.
2. Gunhild f 1781 gm Sjugurd Olson Grimsrudeige, sjå Trefothaugen under Grimsrud.
3. Siri f 1784, fekk i 1817 dottera Gudbjørg d 1819 med Sjugurd Knutson Hafton, og 1821 dottera Inger d 1821 med Ola Ivarson Prestegardseige.
4. Ingebjørg f 1788.

«Høvda-Knut» har fått ry som ein stor bjørnejeger. Han skulle hatt evne til å kjenne på seg når det var bjørn i nærleiken.

Ein haust i skuronna hadde bonden i Åse mælt opp skuren for kvar husmann, og bøygde ryggar let skyruene gå. Berre «Høvda-Knut» vart ståande. Han glante opp gjennom lia og liksom drog veret. Dei andre dreiv gjøn med Knut. Heldt alle på som han, vart dei nok fort ferdige! Men brått kasta Knut reiskapen frå seg og drog av garde. «Når de høyrer det smell borti lia her, får de koma med hestar,» sa han idet han fór.

Ei tid etter vart onnefolka bodsende til middag, og då dei var komne til bords, small eit skot oppi skogen. Dei skjønte nok at han Knut hadde felt ein bjørn, men ville gjerne eta før dei drog med hestane. Dette likte ikkje Knut, som dukka opp att medan dei enno sat ved bordet. Då var han sint: «Når e sa de skulde koma med hestar, so meinte e det!»

I juni 1810 var det skifte i Høvda etter son til «Høvda-Knut», *Tåmås Knutson* f 1776 d 1810 g 1803 m *Beret Olsdotter Fønnhuseige,* mogleg Garthuseige og f 1775, også d før skiftet. Bruttoeiga var 131 rd. og nettoeiga 48 rd. Arne Knutson Stanfinnmarke, sjå Sveitn 43/2, gm syster til Beret, dvs. halvsystera Ingrid Olsdotter, var formyndar for barna. Barn:

1. Gudbjørg f 1805.
2. Ola f 1808 gm Sofie Arnesdotter Åseneige, sjå Moen 55/7.

Etter Knut Tåmåsson og familien hans var *Hans Arneson* gm *Kari Ivarsdotter* ei tid i Høvda. Dei kjøpte nedre Tronhusetre i 1846, sjå der, og er dei siste me kjenner som budde i Høvda.

Seinare var fôret i Høvda onna frå Åse, og køyrt heim om vinteren. I 1914 kom det ny og større driftsbygning i Åse, slik at fôret frå Høvda vart heimkøyrt direkte om sumaren. Låven på den gamle plassen vart då riven, dei andre husa var nedrivne forlengst.

Til Høvda må etter namnet ha høyrt setra Høvdasetre øvst i Muggedalslien, på nedsida av skogsbilvegen Åsen-Muggedøla. Seinare var denne setra brukt av andre plassar, m.a. Moen, og var siste gong i bruk kring 1898.

Seterbrøtin

Opp lia på nordsida av denne plassen gjekk vegen frå Åse til heimsetra. Kan hende har namnet Seterbrøtin samanheng med setervegen.

Frå Seterbrøta og ned til ein åker i Åsejorde, *Snakatangen,* er det ca. 100 m. Åkernamnet skal koma av at ein mann som i gamal tid budde i Seterbrøta — ingen av dei som er nemnde nedafor — synte stor interesse for kornet i Åse. Når kornet var kome på staur i Åsejorde, stiltra han seg ned om natta, tok kornbanda på *Snakatange* av staurane og batt dei på sine eigne kornstaurar i Seterbrøta.

Dei fyrste kjende husmannfolka er *Anders Olson Åseneige,* mogleg Hølersetereige og f 1793, d 1870 g 1819 m *Ingebjørg Eriksdotter Belgum* f ca. 1787 d 1867. Frå dei gifta seg er dei nemnde på Åseneige, som må ha vore Seterbrøtin. Barn:

1. Ola f 1819, til Amerika 1852.
2. *Beret* f 1822, sjå nedafor.
3. Guri f 1825.
4. Anne f 1829 gm Ola Kristaferson Øyhus, sjå Garthushaugen.

I 1865 var versonen *Kristafer Sjugurdson,* venteleg Bergabrøtin og f 1835, d 1866 og dottera *Beret Andersdotter* f 1822 d 1873, medbrukarar. Barn:

1. Gunhild f 1859 gm Ole Olson Dølvesbrøtin.
2. Bertine f 1862 gm Gunvald Monsson Dølvesbergatn, sjå Finnhert 39/24.

I 1865 hadde dei 3 naut, 4 sauer, 2 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

I 1874 og i april -75 er *Kristian Kristianson* og *Kari Hansdotter* nemnde, sjå Sveinsbrøtin, men ved folketeljinga 1875 stod plassen tom.

Ole Andersson Sveinedokke gm *Kari Olsdotter Åseneige* budde fyrst i Seterbrøta etter at dei gifta seg i 1883, og var her eit par år før dei flytta til Hesjadalen, sjå der.

Deretter budde mor til Kari, *Siri Olsdotter Ivarsbrøtin* og mannen *Ola Olson,* sjå Heimen under øvre Tronhussetren, i Seterbrøta. Yngste dotter hennar, Anne Kløvstad f 1869, fortalde at Siri budde i Seterbrøta etter at Anne hadde vorte så stor at ho var borte og tente. I folketeljinga 1891 er dei oppførte i Hesjadale.

Ole Tollefson gm *Anne Sofie Nilsdotter* er nemnde i Seterbrøta i 1893 og -94. Hit kom dei frå Brøtalien. Dei flytta til Moen, sjå der, noko etter 1900, og var den siste familien som budde i Seterbrøta.

Fjøset og stugubygningen vart rivne i 1908, og låven i 1929 då Kristofer Eid slutta å onne her.

Åseneige

Ola Guttormson Klemmetsrud gm *Guro Olsdotter Piltingsrud* er nemnde på Åseneige 1766—71, sjå Massingmoen under Ølmhus.

Østen Olson «Leeren» gm Kjersti Eivindsdotter Piltingsrud er nemnde på Åseneige 1775—81. Østen døydde i 1795 på Tronhuseige, der Kjersti budde i 1801, sjå Tronhuseige.

Johannes Olson Åsen, kan hende frå ein plass under Haugsrud og f 1749, d 1811 g 1775 m *Anne Gulsdotter Grimsrud,* mogleg Stugarden og f 1742, d 1815. I ei sak om hogst i Åseskoge i 1794, opplyser Johannes at han frå 1771 tente i fire år hjå Gunnar Andersson Åsen, og sidan har vore og framleis er husmann under Åse. Barn:

1. Ola f 1776 gm Rangdi Bjørnsdotter Dølveseige, sjå Åseneige.
2. Anne f 1778 gm Knut Olson Dølveseige, sjå Juve 48/29.
3. Gul f 1781 gm Anne Jonsdotter Garthus, sjå Nybrøtin 55/2.
4. Sjugurd f 1787 d 1801.

Svein Olson Åsen gm *Gunhild Arnesdotter Tronhus* er nemnde på Åseneige 1794 og på Fønnhuseige frå 1797, sjå Sveinedokke under Langedrag.

Ola Johannesson Åseneige f 1776, til Land 1834 som enkjemann frå Åseneige, g 1798 m *Rangdi Bjørnsdotter Døl-*

veseige, Bøenseige, f 1758. Barn som me kjenner:

Anne f 1799.

Ellend Arneson Tronhus gm *Siri Mikjelsdotter Navrud* er husmannsfolk i 1801 og seinare, sjå Brøtalie 55/9.

Gudbrand Andersson Sveinedokke gm *Oline Marie Hansdotter Bergseige,* Land, er nemnde på Åseneige 1876 og -79, sjå Sveinedokke under Langedrag.

Anton Gudbrandson Åseneige fekk *i 1895 sonen Anton med Anne Maria Olsdotter Klauvstad.* Anton gm Åsta Andersdotter Skaret, sjå Skoglund 39/64.

Åsen, ukjend bustad

Jakob Johanson Åsen vart gravlagd i 1695, 34 år gamal.

Mikjel Halldorson Åsen vart i 1706 trulova med *Gunhild Sjugurdsdotter.*

Torgrim Jonson, i fengsel på Sørum, fekk i 1707 sonen Mikjel med *Randi Tøsteinsdotter,* som heldt til i Åse.

I 1716 fekk *Kristafer Olson Øyhus* sonen Ola med *Siri Arnesdotter,* som heldt til i Åse.

Ola Gunnarson Åsen g 1713 m *Marit Olsdotter.* Desse to namna finn me att under Åsen i ekstraskattelista 1766, men det er uvisst om det gjeld dei same folka. Barn, berre namnet til faren er nemnt:

1. Gunnar f 1713.
2. Guri f 1718.

Ola Eivindson Garthus g 1704 m *Kjersti Østensdotter,* venteleg dotter til Østen Andersson Garthus, d 1739, kalla «Ole Evensen Åsens kvinne». Dei er nemnde på Piltingsrud 1710, men i Åse 1713. Barn som me kjenner:

1. Eivind f 1703.
2. Anders f 1710.
3. Siri f 1713.

Arne Andersson Li gm *Ingrid Knutsdotter Nordby* er nemnde i Åse 1748 og -49, sjå Steinsrud.

Knut Olson Fekjar, namnet på kona er mogleg *Kari Olsdotter,* gifte 1753, er nemnde på Eid 1751 og -53, og i Åse 1755 og -58. Barn som me kjenner:

1. Beret f 1751.
2. Marit f 1753.
3. Ola f 1755.
4. Arne f 1758.

Ellev Erikson og *Beret Eivindsdotter* fekk sonen Erik i Åse i 1761.

Fønnhus (Fønhus)

Gamalt matrikkelnr. 161, gamal skyld 4 skinn.
***1838:* Nytt matrikkelnr. 54, ny skyld 7 dalar 23 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 56, skyld 25 mark 72 øyre.**

På ei flate nord for og langsmed Begna, rett over for Tronhus, ligg dei to Fønnhusgardane side om side. Jordsmonnet er stein- grusblanda moldjord. Hengebratte berg reiser seg øvst i lia bakanfor, og høgt over dalen kneiser Fønnhusknatten.

Sistelekken i gardsnamnet, -hus, finst hjå fleire gardar i grannelaget. Fyrstelekken meiner Norske Gaardnavne kan koma av *forn,* gamal. Tradisjonell uttale har nemleg vore *fødnhus,* og i 1595 er forma *Fodnehuus* brukt. Sjå meir om namnet under grendekapitlet om Hølera. To skafthulløkser frå steinalderen som er funne i jorda, fortel om menneskeleg verksemd i dalen før fast busetnad på gardar. Eit økseblad av jarn frå vikingtida kan derimot vera leivning frå den eldste tida på Fønnhus. Om lag 400 m søraust for søre Fønnhus ligg ein haug som mogleg er gravhaug.

I vest og sør fylgjer delet Begna. I nord grensar Fønnhus mot Steinsetren, nord for Gullberg, og i sør har Fønnhus dele mot Eid.

Fønnhus var i drift i gamalnorsk tid, men kan vera eldre. Gjennom nedgangstida i seinmellomalderen låg garden nede, og er fyrste gong nemnd som nyleg oppteken øydegard i 1595. Skylda var då 1 gråskinn — ekornskinn. Men det skulle gå fleire tiår før folk på nytt busette seg på Fønnhus etter øydeåra. Det kan ha skjedd i slutten av 1640-åra. Fønnhus er ikkje nemnd i skattematrikkelen 1647.

Etter øydetida var Fønnhus skattemessig klassifisert som øydegard. Marikkel *1667:* Skogen er nesten uthoggen. Det må plantast humlehage. Matrikkel *1723:* Det er skog til husbehov og to setrar i marka der ein får 2—3 lass høy. Det finst flaumkvern og flaumsag. Fønnhus ligg måteleg til og har dels skarplendt jord. Skyldsetjing *1744:* Årleg blir sådd 2 1/2 tønner korn, og det blir fødd 2 hestar, 12 naut og 12 småkrøter. Garden har 10 mål åker og ei stor, men tørrlendt og så mager eng at dei fleste åra blir berre ein liten del slått. På resten veks ikkje så mykje at det svarar seg å hauste. Skogen er så slett at ein ikkje kan få noko sagtømmer eller anna last ut av han. Heller ikkje er skogen voksterskog. I tillegg har garden den ulempa at både åker med såkorn og gjødsel og ein del av enga mange år blir utvaska og øydelagd når Begna fløymer inn over innmarka. Retten fann difor ikkje å kunne auke skylda. Matrikkel *1761:* Pengar til skattar og avgifter kjem i fyrste rekkje frå skogen, og det kan årleg hoggast 28 tylfter.

Delinga av Fønnhus i to gardar kan gå attende til tida før 1350, for alt i 1664, nokre år etter nyryddinga, var det to brukarar. Dei brukte kvar sin part. Denne todelinga har sidan halde fram. I 1734 delte dei to brukarane heimskogen, og i 1761 resten av skogen og utmarka på åsen. I 1785 inngjekk dei kontrakt om eit skogdele.

Etter fleire transaksjonar i byrjinga av 1800-talet kjøpte bonden på søre Fønnhus nørdre Fønnhus i 1832. Ved skylddeling i 1847 delte han den samla eigedomen mellom to søner, og i 1851 vart halde ein detaljert deleforretning for å dele Fønnhus i to like delar. Delinga resulterte i ei viss teigblanding på innmarka. Hamnegang i innmark og utmark skulle vera felles, slik at det aldri har vore oppsett beitegjerde. I 1802 vart slåttelandet Langøye i Begna, opphavleg under Tronhus, sjå Langøye, kjøpt til søre Fønnhus. Langøye vart også delt i 1851.

Skogen Øyvasslie vart ikkje delt. Han utgjer no Fønnhus sameige på ca. 6000 da., der dei to gardane kvar har ein ideell halvpart. Sameiga omfattar fire hovudområde: nørdre og søre Øyvasslie, Overkjøringe og Båslie.

Frå søre Øyvasslien skulle tømmeret køyrast søre leia ned Heiebrøtabakkatn til Begna. Frå Båslien var det same veg, men tung køyring i to harde motbakkar. Tømmeret frå nørdre Øyvasslien var køyrt nordover over Svaåsen og ned Liabekkdalen. Overkjøringe fekk namn av at tømmeret skulle køyrast over ein rygg og deretter ned på den førnemnde vegen over Svaåsen.

Tre bruk er frådelte Fønnhusgardane. Frå søre Fønnhus vart Enge bnr. 5 utskild i 1906 etter å ha vore rydda nokre år før. Plassen Heiebrøtin bnr. 6 vart utskild i 1917. Frå nørdre Fønnhus vart plassen Gullberg bnr. 9 utskild i 1924.

Dei to setrane som er nemnde i 1723, kan ha vore Veslesetre og Bringelie på Auståse, som båe er gamle setrar til Fønnhus. Til Veslesetre var det ca. 4 km og til Bringelie ca. 8 km kløvjaveg. Til Bringelie gjekk vegen opp Saglirenna, over Hammaratn, over Liamyratn og over Øyvassdalen i Eidsmarken. Båe gardane brukte setrane saman. På Veslesetren hadde dei felles bu, men kvar si høylyu. Vollen var delt i to. På Bringelien brukte dei seterhus og fjøs saman, men hadde særskilde lyur. Vollen var delt.

På sine eldre dagar gjekk Arne Mikjelson f 1798 d 1878 eins ærend til Bringelie for å ta farvel med huldra. Med han var sonesonen Erik. Då dei skulle forlata setra neste dag, banka Arne i veggen med staven sin og takka for godt samvære i alle år. «Å, du kjem nok hit ein gong til, du med den krokute staven din,» svara huldra. Det fortalde iallfall Arne til Erik. Og slik gjekk det, Arne kom endå ein gong til Bringelie.

Brørne Arne og Mikjel Fønnhus, som var brukarar etter delinga i 1847, kjøpte Brøtasetre på Veståse, som seinare vart seld til Harald E. Lundatn. I 1882 fekk Arne og Mikjel skøyte på Hølersetre på i alt 2700 da. Arne Arneson hadde før åtta øvre Brattrud, som Sjugurd Hermannson Hølersetre overtok. Fønnhusgardane brukte Hølersetre som seter til 1954. Til 1951, då det vart opparbeidt traktorveg, måtte ein kløjva til Hølersetre. Vegen gjekk opp Ølmhusbakkatn, over Hesjabrøtin, og gjennom Føldokke til Heimgrinde. Flyttetida til åsen var det våren som avgjorde, medan flyttedagen heim var Mikkjelsmess, 29. september. Kom snøen tidleg, måtte ein flytja før. Det var strevsamt å få dyra over Begna før det kom bru. Kyrne måtte symja, småkrøtera rodde dei i båt, og hestane fylgde i grime etter båten. I 1855 fekk Fønnhus-bøndene rett til reksleveg over Tronhusjordet, samt rett til å

Den gamle Fønnhusbrue over Begna.

gjerda inn ei kve og setja opp eit vognskjul ved allmugevegen.

I 1801 hadde Fønnhusgardane ein husmann med og ein husmann utan jord. I matrikkelen 1782 er ingen plassar registrerte, medan det er nemnt folk på Fønnhuseiga i 1783. I alt kjenner me desse plassane: Under søre Fønnhus låg Heiebrøtin, tvers over for Tørstad på Tronhus-sida. Heiebrøtin vart utskild i 1917. Under nørdre Fønnhus låg Gullberg, lengst nordvest mot Steinseterdele. Gullberg vart utskild i 1924. På moen vest for garden låg Piggemoen, som iallfall var eit husvære. Ein takst i 1827 opplyser at nørdre Fønnhus har tre husmannsplassar.

I lang tid måtte folka på Fønnhus krysse Begna, i båt eller på isen, for å koma over til vestsida. Fyrst i 1890-åra bygde Fønnhus-bøndene ein solid trebru over Fløtahølen i Begna, eit stort framskritt som gav åtkome til riksvegen, kjøpmannen og Hølersetre. Då køyring med store bilar tok til, vart brua for smal, og vart i 1955 erstatta med ei ny bru på jarnbjelker, bygd som fylkesbru. Til 1959 gjekk gardsvegen like forbi båe hovudbygningane på Fønnhus, men vart då omlagd.

Fønnhusgardane har felles fiske i Begna og i åsvatna. I Begna hadde dei notvarp i *Fløtahøle,* og i *Veslesvehøle* var det notvarp saman med Storsvee. I Begna hadde gardane to sløer. Namnet

Sløhølmin, ein liten holme litt nordvest for tunet til nørdre Fønnhus, er eit minne om denne fiskemåten, som vart driven mellom holmen og fastlandet. Sløa var ei lang kasse av tre med spilar i botnen. Fisken vart leidd inn i kassa, og vart liggjande att medan vatnet rann ut gjennom spilane.

I *Sagbekke* hadde søre Fønnhus sag, som var i bruk til ikring 1900. Venteleg er det saga her som er oppført som Fønnhus-saga i sagregistreringa i 1683. Dette var ei bekkesag som vart brukt til husbehov, og tømmeret skaffa bonden sjølv i skogen til garden. I 1821 var det synfaring av Fønnhus-saga, kalla bygdesag. Årleg kunne berre skjerast 3 tylfter tømmer. Kring 1900 bygde båe Fønnhusgardane og Ølmhus sag og høvleri i Hølerun. I *Liabekke* hadde gardane kvar si kvern, der dei mol under vårflaumen. Nørdre Fønnhus brukte kverna si kvart år like til kring 1910. Då brann badstugu, som dei hadde tørka kornet i.

I Heiebrøta stod ein tjæreomn, nedlagd kring 1900. Ca. 200 m nord for tunet på nørdre Fønnhus ligg *Tjyruhjelldokke,* der dei brende tjære med ein annan teknikk.

I 1911 bygde Erik nørdre Fønnhus saman med tre andre eit kraftverk i Trettebrøtabekke. Seinare gjekk nørdre og søre Fønnhus saman med Ølmhus om eit kraftverk i Ølmhusfalle.

Fønnhusgardane er typiske skoggardar med nokså lite innmark, men relativt store skogareal. Difor er det, som i 1761, fyrst og fremst skogen som har gjeve inntektene. Driftsvegane frå skogen har vore lange og vanskelege. Ned gjennom Liabekkdalen var det framkomeleg med hest og slepvending, men elles måtte tømmeret frå åsen fyrst framkøyrast og deretter rennast ned dalsida i særskilde renner, som *Saglirenna, Fuggeldalsrenna* eller frå Eidsbakko. Om lag 1902 bygde dei to brukarane på Fønnhus saman med Ole og Mikkel Eid og H. Rognerud frå Nordre Land ei tømmerrenne, 1600 m lang, frå Langevatne oppe på åsen til Begna, ei stor investering på ca. 11000 kroner. Frå den øvre til den nedre enden var det telefon. (Valdres 27.6.1903.) I seinare tid er det bygt traktor- og bilvegar.

På båe Fønnhusgardane vart det slutt med mjølkeproduksjon ved midten av 1950-åra, og jorda har seinare vore brukt til korndyrking.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	4	12	16

	Bondefolk	Tenestefolk	Husmannsfolk	Handverksfolk	Arbeidsfolk	Fattigfolk	Andre	
1782	9	1					4	14
1801	12	2	6					20
1865	16	8	6			1	1	32
1900	17	8	13	2	1			41

Husdyrhald, utsæd og avling 1657—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1657	1	6	13			
1667	2	12	22	1 1/2		
1723	2	17	16	3 1/2		
1761	2	14	20	5	20	10 lass
1782	2	14	24	5	24	40 lass
1866	2	16	39	12 5/6	76 1/2	125 skpd.
				korn		
				20	120	
				poteter		

Eigarar

Halve Fønnhus, som i andre delen av 1600-talet hadde ei skyld av 2 skinn, var krongods. Deretter var oberstløytnant Ove Brockenhus eigar, og er oppført i skattelistene frå 1671. Ove Brockenhus selde i 1673 til Laurits Lauritsen på Bragernes, medan Gerhard Treschow var eigar i 1699. Då selde han Fønnhus til dei to brukarane, men sette som vilkår at han sjølv eller arvingane skulle ha fyrsteretten til tømmerkjøp. I 1706 fekk son til Ove Brockenhus, oberstløytnant ved Det opplandske regiment, Jørgen Otto Brockenhus, 36 rd. av dei to Fønnhus-bøndene for odelsretten sin.

Den andre halvdelen av Fønnhus var i bondeeige, og må ha tilhøyrt ætta til Arne Bjørnson Dølve. I 1670 fekk Fønnhus-bøndene Ola Arneson og Arne Olson odelsskøyte av Bjørn Arneson Øyhus, son til Arne Bjørnson, på 2 laupsbol odelsjord i Fønnhus for 36 rd. I 1694 gjekk Ola Ellingson Dølve, som var gift med ei sonedotter til Arne Dølve, til sak om dette salet, som han meinte var ulovleg. Etter di kjøpet no hadde fått hevd, vart dei innstemna frikjende.

Bruk, husmannsplassar og bustadhus

Frå 1650 er *Ola Fønnhus* brukar. I 1657 er det *Lars* som betalar kvegskatten, men året etter finn me to brukarar med namnet Ola. Dette må vera dei to som båe heitte *Ola Arneson*. Den eine var i 1664 80 år, dvs. f ca. 1584, og den andre 64 år gamal, f ca. 1600. Båe er i manntalet oppførte med ein son kvar. Desse gutane heitte Arne, var like gamle, 16 år, og vart i sin tur brukarar på nørdre og søre Fønnhus.

Då matrikkelen 1667 vart oppteken, var den eine Ola-en død. No er *Ola* og *Gunhild,* som må vera enkje etter den avlidne, oppførte som brukarar. I skattelistene er Gunhild nemnd saman med Ola til kring 1690. Nokre år førekjem Ola og «Gunder», som vel helst er feilskrive for Gunhild. Men skattelistene bruker gjerne å liggje på etterskot i høve til dei verkelege brukartilhøva. Det gjeld nok også her. I røynda må son til Gunhild, Arne Olson, tidleg

Søre Fønnhus ca. 1900, fotografert frå Tronhus.

ha teke over. Odelsskøytet på Fønnhus i 1670, sjå ovafor, er nemleg ferda ut til Ola Arneson og Arne Olson. Av saka om odelssalet i 1694 kan me slutte at Gunhild, og deretter sonen Arne, hadde den nørdre garden: Arne var no død, og hadde to sysken. Den eine var broren Kjell, som overtok nørdre Fønnhus. Brukar etter Ola Arneson var sonen Arne, som me frå seinare kjelder veit hadde den søre garden.

Søre Fønnhus bnr. 1

Den eldste kjende brukaren her er *Ola Arneson,* oppført i 1664. Ola var brukar også i 1670. Seinare overtok sonen Arne, som iallfall var brukar i 1694. I 1701 fekk Arne Olson, som eldste son, skøyte frå dei andre arvingane på arvepartane etter foreldra i Fønnhus. Fire namn er nemnde, kalla brør, syster og svoger, alle i Reinli anneks. Ut frå opplysningane i 1701 skulle desse vera barn til Ola Arneson:

1. *Arne* f ca. 1648, neste brukar.
2. Erik, i 1701 kalla Erik Olson Moen.
3. Jørgen, i 1701 nemnd som Jørgen Olson Eid. Han er mogleg identisk med den Jørgen Olson «Lier» som var gift med Siri Bjørnsdotter, dotter til Bjørn Arneson Øyhus, og med Jørgen Olson Steinsrud f ca. 1655, sjå Steinsrud.

4. Anne, i 1701 Anne Olsdotter Austegarden.
5. Ei dotter gift med Per Jørgenson Brenna, som vart gravlagd i Hedalen i 1714, 77 år gamal.

Arne Olson f ca. 1648 d 1736 ser ut til å ha vore gift to gonger, fyrste gongen med *Gunhild Andersdotter Tronhus* f ca. 1651 d 1699. Ved skiftet etter Gunhild i 1700 var bruttoeiga 72 rd. og nettoeiga 51 rd. Då Arne Olson kjøpte halvdelen av krongodset eller 1 skinn i 1699, kjøpte han også Steinsetre. Steinsetre selde han same år til sonen Erik. Barn:

1. Tora f ca. 1672 g 1. m Knut Olson Vøll, g 2. m Anders Østenson, sjå båe gonger søre Vøll.
2. *Ola* ca. 1674, neste brukar.
3. Erik f ca. 1677 gm Anne Olsdotter, sjå Tronhus.
4. Anders f ca. 1679, kom til Finsand i Ådalen, g 1722 m Marit Olsdotter, enkje etter Syver Andersson Finsand.
5. Ingebjørg f ca. 1681 mogleg gm Mikjel Olson Hafton, sjå søre Langøydgarden.
6. Ellend f ca. 1683 g 1. m Anne Olsdotter, g 2. m Marit Bjørnsdotter Stavadalen, sjå båe gonger Ellendshaugen 37/2.
7. Torgrim f ca. 1684 gm Ragnhild Olsdotter, sjå Hafton, ukjend bustad.
8. Anne f ca. 1685 trulova 1713 m Erik Mikjelson frå Land.
9. Anders f ca. 1686 — «Storigardskallen» — gm Beret Olsdotter, sjå øvre Storøydgarden.
10. Kari f ca. 1686.
11. Mogleg Kari f 1695.

Arne er sannsynlegvis den Arne Olson som i 1705 gifta seg med *Ågot Jakobsdotter* f ca. 1673 d 1744. Barn:

1. Ola f 1707 gm Ingebjørg Gudbrandsdotter Steinsrud, sjå der. Ola brukte i 1740-åra ein part av Tronhus.
2. Anne f 1711 d 1712.
3. Mogleg Jakob f 1711 d 1712.
4. Anne f 1713.

Etter Arne overtok sonen *Ola Arneson* f ca. 1674 d 1746 g 1. 1704 m *Ingebjørg Mikjelsdotter Tronhus* f ca. 1673 d 1725. Ved skiftet etter Ola i 1746 var bruttoeiga 374 rd. og nettoeiga 126 rd. Barn:

1. Gunhild f 1705 gm Arne Timannson Hølersetre.
2. Siri f 1707 gm Jakob Hallvorson, sjå Storøydgardseige.
3. Anne f 1710 gm Mons Akselson Haug, i 1746 kalla Espelieige.
4. Guro f 1713 mogleg d 1768.

Ola Arneson g 2. 1726 m *Barbro Timannsdotter Hølersetre* f 1702. Barn:

1. *Arne* f 1730, neste brukar.
2. Ola f 1732 gm Gjartrud Pålsdotter Framgarden, sjå søre Stavadalen bruk IIc.
3. Ingrid f 1734.
4. Timann f 1737 d 1741.
5. Ingebjørg f 1740 gm Knut Endreson Hoftun, sjå Hølersetre 53/2.

Barbro Timannsdotter g 2. 1748 m *Arne Høljeson Hølle,* sjå søre Stavadalen bruk IIb. I 1751 selde Arne halve garden eller 1 skinn for 200 rd. til ste-

sonen Arne Olson, som seinare overtok resten.

Arne Olson f 1730 gm *Gjartrud Mikjelsdotter søre Langøydgarden* f 1721 d 1801. I 1766 makeskifta Arne Olson fjerdedelen av fisket sitt i Hellandshøle mot eit engestykke i Bringelisetren med Arne Mikjelson Eid. Barn:

1. Ola f 1756 d 1813.
2. *Mikjel* f 1759, neste brukar.
3. Arne f 1761 gm Gjartrud Olsdotter Stavadalen, sjå søre Stavadalen bruk IIc og d.
4. Ola f 1863 d 1813.

Odelsguten var den eldste Ola-en, men nokon gardbrukar vart det ikkje av han. A.A. Fønhus fortel at «Tunin» på Hafton hadde vorte uforlikt med Fønnhus-karane om fiskinga på åsen. Frå Svarteboka skreiv han av den formularen som løyste vonde ånder, og spikra han opp på ein furulegg ved Veslesetre. Då Fønnhus-karane drog innover, fekk dei auga på oppslaget. Ola las, og vart heilt gal med ein gong. Han ville hogge øksa i brørne sine, som sprang for livet. Heime fekk dei endeleg overmanna og bunde han. Etter denne hendinga fekk Ola ikkje fleire anfall, men vart ikkje som før: «Mangler paa forstanden», heiter det i merknaden om Ola i folketeljinga 1801.

I 1789 fekk Mikjel Arneson skøyte av faren for 598 rd. Med i salet var halvdelen i ei flaumsag, ei bekkekvern, smedreiskapen, samt innreiinga i båe stugune. Seljaren og kona ville bruke halve garden. Mikjel skulle også syte for sin «vanvittige» bror.

Mikjel Arneson f 1759 d 1814 g 1790 m *Kjersti Gudbrandsdotter Holte* frå Viker f 1761 d 1849. Ved skiftet etter Mikjel i 1814 var bruttoeiga 4564 rbd. og nettoeiga 3278 rbd. Barn:

1. Gjartrud f 1792 gm Ola Larsson søre Øyhus.
2. Arne d som spedbarn 1795.
3. Marit f 1797 d 1814.
4. *Arne* f 1798, neste brukar.
5. Ingebjørg f 1800 gm Ola Olson Tømtitn.
6. Gudbrand f 1802 d 1814.
7. Barbro f 1805 gm Hallstein Mikjelson Dølve, sjå Dølve 48/2.

I 1821 fekk *Arne Mikjelson* f 1798 d 1878 skøyte av mor si for 2000 rbd. eller 200 spd., g 1820 m *Ingrid Kristafersdotter Eid* f 1797 d 1866. Barn:

1. Mikjel f 1822 d 1830.
2. Kjersti f 1824 gm Knut Olson Tronhus.
3. *Arne* f 1825, neste brukar.
4. Tora f 1828 gm Mikjel Haraldson Brattrud, sjå midtre Brattrud 23/9.
5. Mikjel f 1831 d 1833.
6. Mikjel f 1833 gm Anne Eriksdotter Revling, sjå nørdre Fønnhus 56/2.
7. Kari f 1835 gm Ola Kristenson Flaten.
8. Gjartrud f 1837 gm Hermann Hermannson Bøen, sjå Bøen 11/12.
9. Marit f 1840 gm Lars Olson Gravli.

Arne Mikjelson var ein mann med handlekraft og plan. I 1832 kjøpte han nørdre Fønnhus, som den gamle slekta ikkje hadde makta å halde på. Etter auksjon tilhøyrde nørdre Fønnhus no utanbygdsbuande. Frå 1819 til 1821 hadde Arne sjølv åtta halve nørdre Fønnhus. Det var vel helst meint som ein midlertidig handel, ettersom Arne overtok den søre garden i 1821. Ti år seinare hadde han derimot skaffa seg økonomisk fundament til å byrja å samle heile Fønnhus. Oppgåva var

fullført i 1842, då han kjøpte skogen under nørdre Fønnhus, fråseld i 1815.

På båe gardane sette Arne Mikjelson opp nye vånings- og uthus. Ved skyldeling i 1847 delte han den samla eigedomen likt i to gardar mellom sønene Arne og Mikjel, som kvar fekk skøyte for 500 spd. Eldstesonen Arne fekk søre Fønnhus.

Arne Arneson f 1825 d 1911 g 1. 1851 m *Anne Hermannsdotter Hølersetre* f 1831 d 1860. Ved skiftet etter Anne var bruttoeiga 3000 spd. og nettoeiga 2956 spd. Barn:

1. *Arne* f 1852, neste brukar.
2. Mikkel f 1853 gm Guri Olsdotter Storruste, til Goplum, Torpa.
3. Herman f 1856 gm Oleanna Guttormsdotter Grøv, sjå søre Grøv 85/2.
4. Ingrid f 1858 gm Ole Thomasson Langedrag.

Arne Arneson g 2. 1861 m *Guri Olsdotter Gravli,* Ådalen, f 1828 d 1899. Barn:

1. Anne Marie f 1864.
2. Ole f 1874 gm Marit Trondsdotter Islandsmoen, sjå Liffengren 33/3.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 47 mål noko skarplendt åker og dyrka eng, 55 mål ganske magert slåtteland, frå utmark og setrar kom 24 skippund høy, hamninga var ikkje tilstrekkeleg, 50 tylfter furu- og grantømmer kunne hoggast, dei lauva 2000 kjerv, og garden var godt dyrka. I 1865 hadde dei 2 hestar, 9 naut, 15 sauer, 15 geiter, 1 gris, og sådde 1/4 tønne rug, 2 1/2 tønner bygg, 7 1/2 tønner blandkorn, 1/4 tønne erter og 10 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med steintak. 2. Eit gamalt våningshus med steintak. 3. Eit stabbur med steintak. 4. Ein låve med steintak. 5. Eit fjøs med flistak. 6. Ein stall med bordtak. 7. Ein ny låve med steintak. 8. Eit bryggerhus med jordtak.

Arne Arneson selde i 1887 til sonen *Arne Arneson* f 1852 d 1917 gm *Kristine Olsdotter nedre Jukam* f 1858 d 1916. Arne og Kristine budde nokre år etter giftarmålet i øvre Brattrud, som Arne åtte ei tid. Arne Fønhus var ein interessert skogbrukar, og vart medlem av styret i Kristian Amts Skogselskap då dette vart stifta i 1900. I 1896—1907 var han dels ordførar, dels viseordførar, i Sør-Aurdal. Barn:

1. Guri f 1881.
2. *Arne* f 1886, neste brukar.
3. Ole f 1888 d 1920.
4. Hans Kristian f 1890 d 1957, herradsskogmeister i Sør-Aurdal, seinare fylkesskogmeister og fylkesskogsjef, gm Frida Horne, Romedal, f 1897. Barn: Kåre f 1921 gm Synnøve Thvedt, Notoddden, busette i Larvik. Astrid f 1922 d 1923. Erna Johanne f 1929 gm Odd Sviland, Ramnes, busette i Skien.
5. Anne f 1893 gm Thomas Steingrimson Øyhus-Revling, busette på Gjøvik.
6. Kari f 1896 gm Mikael Øvergaard, sjå Ølmhus 53/1.

Arne Arneson — A.A. Fønhus — f 1886 d 1983 fekk skøyte i 1915, g 1914 m *Sigrid Olsdotter Øvergaard,* Ølmhus 53/1, f 1887 d 1943. Barn:

1. Kirsten f 1915 gm Ivar Bang, busette på Fagernes.
2. Gunvor Helene f 1918 gm Ole Grimsrud, sjå nørdre Garthus 65/7.
3. *Arne* f 1922, neste brukar.

Arne Arneson Fønhus f 1922, eigar frå 1949, gm *Karen Mathea Eriksdotter Thorsrud,* Sørum, f 1924. Barn:

1. Sigrid Katrine f 1950 gm Svein Brenna, busette på Fagernes.
2. *Arne Erik* f 1954, neste eigar.

Arne Erik Fønhus f 1954, eigar frå 1985, gm *Arnbjørg Evjen,* sjå Solhaug, Gastgjevarhaugen, f 1951. Barn:

1. Sigrid f 1981.
2. Arne f 1982.
3. Guro f 1985.

Søre Fønnhus har 60 da. dyrka jord og 9000 da. skog. I tillegg kjem Langøye med 9 da. dyrka jord og halve Hølersetre, 1350 da.

Lauvstad bnr. 11

Bustadhus frå 1951 på tomt utskild frå søre Fønnhus i 1949, bygt av *Einar Rundbråten,* Liamyre 47/8, f 1918 d 1987, var skogsarbeidar, gm *Kari Lien,* nørdre Langedragslie 51/4, f 1927. Barn:

1. Liv f 1949, busett i Oslo.
2. Torild f 1949, tvilling med Liv, gm Halstein Holt, Leirskogen.
3. Gunn Erna f 1955 gm Nils Magnar Lødemel, Fiskåbygd, bur på Bagn.



Arne Syverson Heiebråten f 1868 rydda opp bruket Enge frå ein utslått.

Enge bnr. 5

På flata synst på Fønnhuseigedomen ligg Ytterenge, ei av fleire gamle slåttenger langsmed elva. Nørdst på Ytterengen bygde *Arne Syverson Heiebrøtin,* f 1868 d 1960 g 1894 m *Kari Olsdotter Gullberg* f 1866 d 1945, bruket Enge noko før 1900. I 1900 er dei oppførte som husmannsfolk på plassen «Soleng». I 1906 vart bruket frådelt søre Fønnhus og selt til Arne. Barn:

1. *Syver* f 1895, neste brukar.
2. Karine f 1897 d 1974, lærar i Rogne, Øystre Slidre, gm Ola Skattebu.
3. Ole f 1900, lærar i Veggeli, Numedal, gm Sigrid Brekke, Numedal.
4. Tonetta f 1905 d 1905.
5. Tora f 1908 gm Thorvald Komperud.

6. Olga f 1911 d 1976 gm Anders Myrvang, Øystre Slidre, busette i Rogne.

Syver Arneson Engen f 1895 d 1962 g 1. m *Anna Andreasdotter Bjørneskaret* f 1907 d 1950, g 2. m *Anne Rundhaug* f 1899. Syver og Anna tok til seg barna Synnøve Torjussen gm Arne Øyhus, busette i Oslo, og Torjus Torjussen.

Enge har 30 da. innmark og 120 da. skog. Husa er bustadhus, uthus og eit lite stabbur. Syver og Anne hadde tre—fire kyr til 1961, seinare har jorda vore bortleigd. Enge har halvdelen i setra Bringelie, saman med Heiebrøtin.

Heiebrøtin bnr. 6

Plassen Heiebrøtin var rydda før 1800. *Svein Olson Åsen* gm *Gunhild Arnesdotter Tronhus,* sjå Sveinedokke under Langedrag, var i 1801 husmannsfolk under søre Fønnhus, og ser ut til å ha budd i Heiebrøta. Dei er nemnde på Åseneige 1794, og på Fønnhuseige 1797—1808.

Neste kjende husmannsfolk er *Ola Amundson Eidsbrøtin* f 1781 d 1830 g 1811 m *Beret Olsdotter Føss* f 1789 d 1867. Ola fekk husmannskontrakt i 1822. I 1831 var det skifte i Heiebrøta etter Ola. Bruttoeiga var 62 og nettoeiga 49 rd. Barn:

Amund f 1819, kan hende den Amund Olson Fønnhuseige som vart gravlagd i 1843, 24 år gamal. I 1842 gifta Amund seg med Kari Olsdotter Ølmhuseige, Massingmoen under Ølmhus, f 1812. Dei fekk sonen Ola i 1842. Kari gifta seg på nytt i 1859 med Bård Jensson Ølmhuseige, sjå Bjørke under Ølmhus. Ved folketeljinga 1875 var Ola Amundson tilreisande på Bjørke, med adresse Brusvee, Etnedal, og var husmann.

Beret Olsdotter g 2. 1831 m *Jon Sjugurdson Fønnhuseige,* sjå under Klemmetsrud, f 1804 d 1883. Barn:

Beret f 1833 g 1. m Ola Knutson Dølvesbergatn, g 2. m Eivind Ellingson Hellandshølen, sjå båe gonger søre Hellandshølen 54/13.

I 1865 hadde Jon og Beret 1 hest, 3 naut, 4 sauer, 5 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn og 3/4 tønne poteter.

Husmannsfolk frå om lag 1870 var *Sjugurd Olson Tronhusseige,* Hølt 54/33, f 1835 d 1911 g 1861 m *Tora Bjørnsdotter Storsveeige,* Storsvelykkja, f 1833 d 1926. Dei var her også i 1900, men båe døydde på Tørstad. I 1865 var dei husmannsfolk på Hølt. Sjugurd var tømmermann, båtbyggjar og skogsmann, og det vart også dei tre sønene. Barn:

1. *Ole* f 1862, neste brukar.
2. Anne f 1865, budde på Tørstad.
3. Arne f 1868 gm Kari Olsdotter Gullberg, sjå Enge 56/5.
4. Gudbrand f 1870, sjå Tørstad 54/16.
5. Berte f 1874 gm Anton Andersson Trettebråten, sjå Eidsmoen 57/6, 7.
6. Gunhild f 1877 gm Torleif Knudsen, Sørskogen.

Ole Syverson f 1862 d 1939 g 1883 m *Olea Håvelsdotter Braka,* Braka 44/1, f 1859 d 1940, var i Storsvelykkjun ved

folketeljinga 1891. Før hadde dei budd fleire stader. Etter at barna var vaksne, flytta dei frå Lykkjun til Heiebrøtin, som sonen Syver fekk skøyte på i 1917 etter skylddeling same år. Her gjekk Ole framleis under namnet «Lykkjin». Barn:

1. Marit f 1884 d 1967.
2. Tonetta f 1886 d 1887.
3. Tonetta f 1887 gm Anton Ole Andreasson Storbråten, sjå Ivarsbrøtin 55/4.
4. Gunhild Marie f 1890 gm Petter Paulsen, Begnadalen, sjå Ytterenga 72/6.
5. *Syver* f 1892, sjå nedafor.
6. Anne f 1895 gm Gudbrand Edvardson Odden, sjå Gulsrud 73/29.
7. Helga f 1897 gm Johan Tidemandsen Kolsrud, sjå Snøvika under Haugsrud.
8. Olava f 1902 gm Kristian Odden, Gudmundsodden, til British Columbia, Canada.

Syver Olson Heiebråten f 1892 d 1979 g 1923 m *Signe Hansdotter Larsen,* Vabrøtin 39/49, f 1903 d 1927. Signe døydde då barna var små. Marit, syster til Syver, kom då heim og tok seg av barna. Barn:

1. Olaug f 1924 gm Sverre Slåttum, Vardal.
2. *Ole* f 1925, neste brukar.

Ole Syverson Heiebråten f 1925, eigar frå 1958, gm *Gerda Aslaksrud,* Garthus, f 1938. Ole er skogsarbeidar. Barn:

1. Gunn Helene f 1958 gm Kjell Harald Bjørgan, Hedalen, bur der.
2. Ann Signy f 1959.
3. Svein Erik f 1961 gm Åse Kirsten Bøhn.
4. Gro Anitha f 1972.

Heiebrøtin har 21 da. dyrka jord og 100 da. skog. Dei dreiv med krøter til 1962, seinare med fôringsdyr og sauer, i det siste har dei berre hatt sauer.

Bustadhuset er frå 1955, fjøset frå 1973, låven er eldre. Det finst også eit stabbur. Etter krigen kjøpte Syver Heiebrøtin setra Bringelie på Auståse.

Nørdre Fønnhus bnr. 2

På nørdre Fønnhus var *Ola Arneson* brukar i 1664, den eine av dei to med dette namnet. Av saka om Fønnus i 1694 får me kjennskap til desse barna, av dei var dei to sistnemnde då i live:

1. *Arne* f ca. 1648, neste brukar.
2. *Kjell* f ca. 1649, brukar etter broren.
3. Guri.

I 1670, ved kjøpet frå Bjørn Øyhus, var *Arne Olson* f ca. 1648 brukar. Arne var død i 1694. Han hadde ikkje barn, men etterlate seg ei gamal blind og skrøpeleg kvinne, heiter det.

Etter Arne overtok broren *Kjell Olson* f ca. 1649 d 1733 gm *Gjøa Ivarsdotter,* nedre Bagn bruk I. I 1729 var Kjell 80 år og vitne i ei sak om hogst på Veståse. Faren og dei tre sønene me kjenner, vart alle gravlagde same dag, 8. februar 1733. Det tyder på at dei har omkome ved ei ulykke. Barn som me kjenner:

1. *Ola* f ca. 1682, neste brukar.
2. Gunhild f 1693 d 1693.
3. Arne f 1696 d 1733.

Nørdre Fønnhus.

4. Ivar f 1698 gm Ingebjørg Herbrandsdotter, sjå Eid.
5. Beret gm Trond Hallvorson frå Hallingdal, sjå Jukam, ukjend bustad.

Ola Kjellson f ca. 1682 d 1733 kan ha overteke om lag frå han gifta seg, g 1. 1707 m *Anne Mikjelsdotter Tronhus* f ca. 1681 d 1719. Barn:

1. Gunhild f 1709 gm Ola Olson nørdre Lundatn.
2. Guro f 1711 visstnok gm Ulrik Jonson Fekjar (Lindelia), sjå under Fekjar.
3. *Mikjel* f 1713, neste brukar.
4. Gjøa f 1717 truleg gm Kristoffer Egediussen Dårud, som var enkjemann.

Ola Kjellson g 2. 1720 m *Barbro Olsdotter,* nedre Storøydgarden, f ca. 1692 d 1739. Ved skiftet etter Barbro var bruttoeiga 39 rd. og nettoeiga 32 rd. Barn:

1. Guri f 1722 d 1726.
2. Ola f 1725 visstnok gm Kari Andersdotter Garthus, sjå under Li.
3. Guri f 1727 visstnok gm Hallvor Ivarson Hesthagin, sjå nørdre Li. Dette var det andre ekteskapet til Guri, og ved giftarmålet var ho kalla Lindelia.
4. Anne f 1729 visstnok gm Ola Torgrimson Holte.

Mikjel Olson f 1713 d 1773 fekk i 1736 skøyte frå dei andre arvingane på det dei åtte i Fønnhus, g 1. 1734 m *Gudbjørg Gudbrandsdotter,* Steinsrud, f 1716 d 1739. Ved skiftet etter Gudbjørg var bruttoeiga 252 rd. og nettoeiga 134 rd. Barn:

1. *Ola* f 1735, neste brukar.
2. Gudbrand f 1738 d liten.

Mikjel Olson g 2. 1741 m *Gyri Larsdotter Solbjør* f 1721 d 1776. Barn:

1. Lars f 1742 gm Ragnhild Olsdotter Steinsetre, sjå Kyrkjebjørgo.
2. Gudbjørg f 1744 gm Ola Håkenson Tollevsrud.
3. Ingrid f 1745 gm Ivar Gudbrandson Braka, sjå Sørli.
4. Arne f 1748 gm Kari Olsdotter Sørum, sjå Ruste i Hedalen.
5. Ola f 1750 d 1763.
6. Mikjel f 1753 gm Gunhild Olsdotter Braka, sjå Braka 44/bruk II.
7. Anne f 1756 gm Sjugurd Arneson Dølve, sjå søre Dølvesetre 48/11.
8. Kristafer f 1759 gm Johanne Toresdotter Braka, sjå Ruste i Hedalen.
9. Ola f 1765 d 1812.

Mikjel Olson gjorde fleire handlar med garden. I 1762 selde han 1/2 skinn med nærare oppgjevne delestader til eldste sonen Ola for 150 rd. I 1764 selde han ein annan fjerdepart til sonen Lars for same sum. I 1765 kjøpte Mikjel og sonen Ola 1 1/2 skinn i Steinsetren. I 1767 makeskifta Mikjel og sonen Lars slik at Mikjel overtok det halve skinnet til Lars i Fønnhus og Lars fekk faren sin part på 1 skinn i Steinsetren.

Etter Mikjel vart sonen *Ola Mikjelson* f 1735 d 1807 eigar av heile nørdre Fønnhus. Ola fekk halvdelen etter far sin i 1773 og den andre halvdelen etter stemora i 1776, heiter det i ei vitneforklaring i odelssaka i 1812, sjå nedafor. G 1767 m *Anne Knutsdotter Tronhus* f 1744 d 1808. Ved skiftet etter Ola var bruttoeiga 3189 rd. og nettoeiga 2684 rd., og ved skiftet etter Anne bruttoeiga 1566 rd. og nettoeiga 1525 rd. Noko fallittbu var det såvisst ikkje Ola og Anne etterlet seg. Når det neste slektsleddet med dette utgangspunktet likevel kom til kort, hadde det menneskelege årsaker. Barn:

1. Gudbjørg f 1768 gm Arne Olson Leikebakke.
2. Mikjel f 1771 d 1771.
3. Gunhild f 1773 d ung.
4. Mikjel f 1775 d ung.
5. *Ola* f ca. 1779 mogleg g 1. m Gudbjørg Mikjelsdotter Tronhus, iallfall gm Kari Larsdotter Steinsetre og på nytt med Kari Larsdotter Langbrøtin, sjå alle gonger Piggemoen.
6. *Mikjel* f 1783 mogleg d 1861 som legdsfattig frå Fønnhus. Mikjel fekk i 1827 dottera Anne d 1827 med Marit Høljesdotter Øyhuseige.

Ola Mikjelson var over 70 år og blind då han overleverte garden. Det skjedde i 1806, og garden vart delt likt mellom sønene Ola og Mikjel — bruk A og B. Kvar kjøpte 1 skinn for 500 rd. Mogleg frykta Ola for framtida, og ville lengst mogleg utsetja tidspunktet for å gje frå seg ansvaret. «Piggatn» vart sønene kalla, dei var så små av vekst. Rikt utrusta på andre måtar kan dei heller ikkje ha vore. Etter to år oppgav båe Fønnhus. Ola makeskifta i 1808 til seg Hafton med Gudbrand Gudbrandson Hafton, men selde Hafton seinare same år til Ola Andersson Lunde. Med båe partane av nørdre Fønnhus vart det gjort fleire handlar før garden i 1810 vart samla att.

Om den vidare lagnaden til Ola Olson Fønnhus har vore gjeve ulike opplysningar.

A.A. Fønhus fortel at Ola sette seg opp ei stugu, «Veslestugu», ovafor vegen mellom Tronhus og Storsvee. Olaus Islandsmoen fortel i Valdres 10.3.1942 at Ola budde i Langbrøta under Tronhus, ein tradisjon som kan vera identisk med den om «Veslestugu». Endeleg finst ein tradisjon om *Piggemoen* nord for tunet i nørdre Fønnhus. Her bygde Ola ei stugu etter å ha forlate Fønnhus, heiter det. Åkeren vart kalla *Piggeåker'n.* Stugutomta syntest til fylkesvegen vart bygd, men gjekk med då. Piggemoen kan vera identisk med den plassen som på kartet frå 1839 er avmerka som *Moen.* Etter kyrkjebøkene ser Ola ut til å ha opphalde seg på Fønnhuseiga, slik at det som har vore fortalt om Piggemoen, kan vera rett, sjå Piggemoen.

Nørdre Fønnhus bruk A

I 1808 makeskifta som nemnt Ola Olson Fønnhus denne parten med *Gudbrand Gudbrandson Hafton* mot Hafton. Prisen for Fønnhus var 1250 rd. og for Hafton 1100 rd. Kort etter same år selde Gudbrand, no kalla Braka, Fønnhus for 2500 rd. til *Ola Olson Kristianslund* eller *Strømstad,* som hadde vore kurator for Ola Fønnhus ved makeskiftet. Ola Olson Kristianslund selde ein månad seinare for same sum til *Mikjel Arneson Fønnhus* på søre Fønnhus. I 1810 selde Mikjel Arneson, på nytt for 2500 rd., til «Hallingguten», *Ola Olson Fønnhus,* sjå nedafor, som hadde kjøpt bruk B i 1809.

Nørdre Fønnhus bruk B

Mikjel Olson selde i 1808 for 3000 rd. til *Ola Olson Bagn* — «Tamburen». Året etter selde Ola Bagn for same sum til «Hallingguten», *Ola Olson.*

Nørdre Fønnhus samla

Ola Olson, kalla «Hallingguten, heiter det i 1815, var fødd ca. 1775 på Nordhagen i Nes i Hallingdal. Ved forhøret i 1815, sjå nedafor, blir det opplyst om bakgrunnen hans. Kring 1780 flytta foreldra til Nordbyhaugen i Hedalen, og deretter til plassen Bondli under Flaten. 14—15 år gamal tok han teneste hjå broren Amund på Braka. Her var han berre eit halvt år, til gjeld og fattigdom dreiv Amund til Sverige. Seinare hadde Ola tilhald på Nordby, Grøv, Stugarden og Berg, og var dels dagleiar, dreiv dels tømmerhandel. I to år åtte han Braka, som broren hadde hatt. I 1806 forpakta han skogen under nørdre Fønnhus, og vart eigar i 1809 og -10. Ola kom ikkje til å gifte seg.

I ettermælet har «Hallingguten» framstått som ein omsynslaus kar, heile bygdas skrekk. Han kvitta seg med den gamle og blinde livaursmannen Ola Mikjelson ved å sparke han ut i Begna under vårflaumen 1807, er det fortalt. Liket fann dei att på Ytterengen. I juli 1807 vart iallfall Ola gravlagd.

Men når tradisjonen også vil halde han ansvarleg for dødsfallet til Gudbrand Olson Piltingsruddokka i 1815, er det å overdrive. Det var om kvelden mandag før pinsedag 1815 at Ola Fønnhus og Gudbrand Piltingsrud hadde eit oppgjer på nedre Sørum i Begnadalen. Gudbrand var dyktig full, går det fram av det lange og detaljerte rettsforhøret på Sofienlund i månadsskiftet mai/juni 1815. Gudbrand var den aktive, egla seg inn på Ola og gav seg ikkje før han sjølv låg der. Med hjelp heimanfrå kom Gudbrand seg dagen etter med stor møde heim til Piltingsruddokka, men døydde kort etter.

Ola hadde vore i arrest til forhøret, men fekk no slippe derifrå. Av omsyn til si eiga

velferd hadde han så mykje å ivareta, heldt Ola fram, såvel når det galdt jordbruket som andre gjeremål.

Arne Olson Leikebakke, som var gift med syster til «Piggatn», Gudbjørg Olsdotter, stemna Ola Olson på odelen. Saka strekte seg frå 1812 til -13. Arne fekk medhald, mot å avleggje eid på at han ville løyse inn garden. Dei mange innvendingane til Ola bar meir bod om trettelyst enn tente som motargument, meinte retten. Arne Leikebakke svor eiden, men innløysing vart det likevel ikkje. I staden selde han odelsretten i 1813 til Ola for 366 rd.

I desember 1815 selde «Hallingguten» «Åsskogen», skyldsett for 1/3 skinn, til major Krohn for 7000 rbd. Anten hadde han no fått økonomiske vanskar eller vart driven av spekulasjonsmotiv. I 1819 selde han garden i to partar. Den eine kjøpte *Arne Mikjelson søre Fønnhus* og den andre *Gudbrand Arneson Fønnhus*. Salssummen for kvar part var 300 spd.

I desember 1820 fekk Arne Mikjelson takst over halvdelen sin. Garden hadde om lag 14 mål god åker. Frå enga kom fôr til 1 hest, 8 naut og 15 småkrøter. Skogen var ikkje uvesentleg, og hadde virke til gardsbehovet og årleg sal av nokre tylfter sagtømmer. Det fanst ei lita seter. Jord og hus vart takserte til 600 spd.

I 1821 selde både Arne Mikjelson og Gudbrand Arneson attende til «Hallingguten» for same sum som dei hadde kjøpt. Men i 1825 gjekk garden, som var pantsett til kjøpmann Rasmus Alsing, til auksjon. Tilslaget fekk *Kristoffer Li* og *Anders Oppen* frå Ringerike. Kristoffer Li hadde i 1823 kjøpt høyet og halmen frå Fønnhus av Ola Olson for 50 spd. I 1832 selde dei garden til *Arne Mikjelson søre Fønnhus* for 500 spd.

Etter ein takst i mai 1827 kunne eigedomen fø 2 hestar, 13 naut og om lag 40 småkrøter. På åkeren, som var om lag 35 mål og god og veldyrka, kunne årleg avlast 60 tønner korn og 40 tønner poteter. Skogen gav nok av virke, også til sal. Garden hadde tre husmannsplassar og ei seter, husa både her og på garden var i forsvarleg stand. I alt vart taksten 3000 spd.

Fønnhusskogen, som tilhøyrte vegmeister Krohn, vart i oktober 1829 taksert til 600 spd. I juli 1834, etter at Krohn var død, var det ny takst. No vart verdien sett til 100 spd. Reduksjonen vart forklart med at i den fyrste taksten var medrekna ei seter med ein fin voll som gav stor høyavling. Setra var no øydelagd. Dessutan var tømmertransporten frå skogen vanskeleg, og prisane nedsette.

I 1837 fekk *Knut Ellevson Tollevsrud* auksjonsskøyte på skogen, som tilhøyrde buet etter major Krohn, for 149 spd. etter auksjon halden i 1835. Han selde i 1838 for 200 spd. til kjøpmann *Nils Kjær* i Drammen. I 1842 selde Nils Kjær for 350 spd. til *Arne Mikjelson*. Dermed var Arne Mikjelson frå søre Fønnhus eigar av båe Fønnhusgardane. Han gjekk straks i gang med å byggje nye hus. I 1847 delte han heile eigedomen, sjå søre Fønnhus. Sonen Mikjel fekk den nørdre garden.

Mikjel Arneson søre Fønnhus f 1833 d 1911 g 1857 m *Anne Eriksdotter Revling* f 1838 d 1915. Barn:

1. Gjertrud f 1858 d 1862.

Arne Mikkelson Fønhus f 1860 og kona Olave f Storsveen 1867 var handelsfolk på Lundby, og foreldre til Olaf Fønhus og forfattaren Mikkjel Fønhus.

2. Arne f 1860 gm Olava Olsdotter Storsvee, sjå Lundby 54/15.
3. Gjertrud f 1862 gm Engebret Syverson Espelie.
4. *Erik* f 1863, neste brukar.
5. Ingrid f 1864 d 1877.
6. Mikkel f 1868, prest, gm Olava Kiserud, Hobøl.
7. Syver f 1875, bonde på nedre Esbjuk, Nordre Land, g 1. m Maren Olsdotter Skaran, g 2. m Sigrid Arnesdotter Øyhus.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 42 mål noko skarp åker og dyrka eng, 40 mål magert slåtteland, frå setrar og utmark kom 32 skippund høy, hamninga var utilstrekkeleg, det kunne hoggast 44 tylfter gran- og furutømmer, dei lauva 2500 kjerv, og garden var godt dyrka. I 1865 hadde dei 1 hest, 9 naut, 14 sauer, 16 geiter, 2 grisar, og sådde 2 1/2 tønner bygg, 7 1/2 tønner blandkorn, 1/4 tønne erter og 10 tønner poteter.

Branntakst 1875: 1. Eit våningshus med steintak. 2. Eit anna våningshus med steintak. 3. Eit stabbur med steintak. 4. Ein låve med steintak. 5. Ein stall med steintak. 6. Ein låve med bordtak. 7. Eit fjøs med bordtak. 8. Eit bryggerhus med steintak.

I 1897 selde Mikjel til den nesteldste sonen *Erik Mikkelson* f 1863 d 1921. Erik bygde handelsstaden Lundby på den andre sida av elva i 1892, men bytte Lundby mot Fønnhus med eldstebroren Arne, som hadde dårleg helse. Arne døydde alt i 1896. Erik var g 1894 m *Ragnhild Nilsdotter søre Øyhus* f 1867 d 1957. Barn:

1. Anne f 1896, sjå Furuly 56/13.
2. Johanne f 1899, sjå Heimtun, utskild frå garden.
3. *Mikael* f 1902, neste brukar.
4. Nils f 1908, sjå Furuly 56/13.

Mikael Erikson f 1902 d 1982 fekk skøyte av mor si i 1924, g 1927 m *Bergljot Olsdotter Øvergaard,* Ølmhus, f 1900 d 1976. Barn:

1. *Erik* f 1928, neste brukar.
2. Ragnhild f 1929 g i USA m Kjell Amble frå Oslo, busette i San Diego i California.

Erik Fønhus f 1928, eigar frå 1958, gm *Marit Stensrud* f 1929. Barn:

1. Mikael f 1958.
2. Ole f 1961.
3. Bjarne f 1963.

Nørdre Fønnhus har 85 da. dyrka jord. I 1977 fekk dei vatningsanlegg. Skogen er i alt 8498 da., medrekna halvparten i Fønnhus sameige og halve Hølersetre. Av dette er 7728 da. produktivt. Mikjel Arneson kjøpte i 1867 skogen Storlie, i 1803 fråseld Åse, og selde denne skogen i 1906 til sønesønene Mikkjel og Olaf Arnesøner Fønhus.

Fredheim bnr. 12

Bustadhus frå 1955 på tomt utskild frå nørdre Fønnhus i 1954, bygt av *Jens Rundbråten,* Liamyre 47/8, f 1915 d 1988 var snikkar, gm *Gunbjørg Øyhus* f 1922. Barn:

1. Kjell Erik f 1949 gm Brynhild Aslaug Berget, bur på Leira.
2. Gunvor f 1952 gm Olav Vistemyren, Røn, Vestre Slidre, sjå bustadhus nedafor.
3. Astrid f 1960 gm Arild Hassel, Oslo.

Furuly bnr. 13

Bustadhus frå 1956 på tomt utskild frå nørdre Fønnhus i 1958, bygt av *Nils Fønhus* frå nørdre Fønnhus f 1908. Han har arbeidt med jord- og skogbruk. På Furuly budde også systera *Anne* f 1896 d 1981.

Heimtun

Her bur *Johanne Fønhus* frå nørdre Fønnhus f 1899, som har vore lærarinne.

Berg

Bustadhus 1979 på bygseltomt frå nørdre Fønnhus, bygt av *Elling Stensæter* f 1919 gm *Helga Bergene,* Bagn, f 1914 d 1955. Elling Stensæter har vore skogsarbeidar og seinare arbeidt på Begna Bruk. Barn:

1. Kjell f 1945 gm Britt Lorentsen, Berlevåg.
2. Aud Torill f 1950 gm Sven Jensen, Hønefoss.

Skogly bnr. 18

Bustadhus 1979/80. *Jan Bragerhaug,* Vonheim 50/39, f 1955, maskinentrepenør, gm *Guri Kristin Flaten,* Hedalen, f 1953. Barn:

1. Janne f 1977.
2. Heidi f 1980.

Slettholt bnr. 19

Bustadhus 1979/80. *Hans Erik Bragerhaug,* Vonheim 50/39, f 1953 gm *Bjørg Odny Hovi,* Vestre Slidre, f 1959, landpostbodvikar. Barn:

1. Harald f 1981.
2. Heine f 1981, tvilling med Harald.
3. Karine f 1987.

Flatmo bnr. 20

Bjørn Bragerhaug, Vonheim 50/39, f 1958 gm *Gro Helene Sundvold,* f 1958. Barn:

1. Marianne f 1979.
2. Linda f 1982.

Villa Furuhøyden bnr. 21

Bustadhus 1986. *Arne Magne Ruud,* Skogly 53/36, f 1959, skogsarbeidar, gm *Tone Kristin Solberg,* Fredrikstad, hjelpepleiar. Barn:

Niklas f 1986.

Bnr. 22

Bustadhus 1988. *Olav Vistemyren,* Vestre Slidre, f 1951 gm *Gunvor Rundbråten* f 1952. Barn:

1. May Britt f 1979.
2. Lisabeth f 1983.
3. Tom André f 1986.

Gullberg bnr. 9

På plassen Gullberg er *Mikjel Olson Jukamseige* gm *Olea Olsdotter Sørflatseige* nemnde i 1843 og -46. I 1847 var dei på Hølerseterhauge, sjå Søreng 50/30.

Hans Eivindson Storsvee, Moen under Åse, f 1815 g 1839 m *Inger Hansdotter nedre Sørum* f 1821, er nemnde på Gullberg i 1848 og -50. Familien reiste til Amerika i 1855. Hans var då kalla Gullberg. I 1841 er dei nemnde på Storsveen, i 1842 i Åse, i 1844 i Børthus av Gladhaug, og i 1853 i Tronhussetren. Barn:

1. Anne Kristine f 1841.
2. Kjersti f 1842.
3. Gunhild f 1844.
4. Kari f 1848.
5. Thora f 1850.
6. Hans f 1853.

I april 1851 fekk Jens Arneson og kona Marit Monsdotter husmannskontrakt for levetida si.

Leiga på 5 spd. skulle betalast i arbeid: 14 dagar etter 14. april, slå i 15 dagar, skjera 5 mål åker, lauve 500 kjerv, vera med og bera lauv 1 dag, arbeide 6 dagar etter Mikkjelsdag, og om vinteren 15 dagar. Husmannsfolka skulle m.a. ikkje hamne austafor den høgste ryggen på Fønnhusknatte. I Middagsskørren — høgt oppe i berget — hadde dei rett til å lauve og rispe.

Jens Arneson Braka, Braka 44/1, f 1816 g 1848 m *Marit Monsdotter Steinsetre,* Liabekklie 52/4, f 1825. Dei reiste til Amerika i 1857. Barn:

1. Marit f 1849.
2. Inger f 1851.

I 1858 vart Gullberg festa til *Ola Olson Fønnhuseige,* son til Ola Olson Fønnhus på Piggemoe, f 1833 d 1922, på same vilkår som Jens og Marit hadde hatt plassen. G 1861 m *Kari Andersdotter Eidseige,* Eidsbakkatn, f 1835 d 1940. Ola — den kjende heidersmann Ole O. Gullberg (Olaus Islandsmoen, Valdres 10.3.1942) — kjøpte i 1887 Åmot 54/9, også kjend som Mostugu, ved Hølera, der han dreiv stampe og fargeverk. Her gjekk Ola under namnet «Momannen». Barn:

1. *Ole* f 1862, husmann seinare.
2. Kari f 1866 gm Arne Syverson Heiebrøtin, sjå Enge 56/5.
3. Andreas f 1869 d 1869.
4. Olea f 1870 gm Anton Mikkelson, sjå Bjørke under Ølmhus.
5. Anders f 1874 d 1874.
6. Anne Marie f 1875 d 1958 gm Ole Langedal, Rust i Nord-Etnedal. Anne Marie selde Langedal og kom attende til Sør-Aurdal då mannen døydde i 1930. Frå Gladhaug kjøpte

ho ei tomt, Fosheim 54/31, og bygde hus der.
7. Tonetta f 1879 gm Johan Erikson Sagstuen, sjå Åmot 54/9.

I 1865 hadde dei 3 naut, 6 sauer, 5 geiter, og sådde 1/2 tønne bygg, 1/4 tønne blandkorn og 2 tønner poteter.

I februar 1887 fekk *Erik Olson,* då kalla Fønnhuseige, og kona *Anne Mikkelsdotter,* sjå Tordebrøtahagin 54/3, husmannskontrakt frå april. Dei kan ikkje ha vore lenge i Gullberg, for i oktober same år vart plassen festa til son og verdotter til førnemnde Ola Olson. Plassen skulle overtakast 14. april 1888.

Ola Olson Gullberg gm *Olea Gudbrandsdotter Bjødnaskaret* var i Gullberg til ut i 1890-åra, sjå Tåmåsbrøtin 52/3.

I 1898 fekk *Gunvald Monsson* og *Bertine Kristoffersdotter* husmannskontrakt, men er nemnde i Gullberg frå 1895. Frå 1901 er dei nemnde i Finnhert, sjå der.

Ole Erikson, Fekjarjordet, f 1874 g 1899 m *Anne Maria Jonsdotter Smedmoen* f 1866 d 1939, skulle etter husmannskontrakt ta plassen med Veslesetre i bruk frå april 1907. Ole kjøpte bruket i 1924. Barn:

1. Erik f 1900 gm Maghild Rolfsdotter Odden, Sparkevikøddin 34/9, busette i Spydeberg. Erik har kome attende til Gullberg. Barn: Marie f 1925. Ola f 1927. Kjellaug f 1930. Bjarne f 1932. Else Magna f 1935. Kåre Magnus f 1938.
2. Anne f 1904 gm Mathias Arneson Braaten, Nordre Land, sjå Ølmhushagin 53/18, 21.
3. *Jon* f 1906, skogsarbeidar, eigar frå 1944, budde på bruket til etter at foreldra døydde.

Gullberg har ca. 15 da. dyrka jord og 90 da. skog oppover frå bruket. Husa, som er gamle, er låve, stall, stabbur med vedskjul, ei lita, gamal stugu og ei yngre stugu frå 1925. Setra Veslesetre, som Gullberg eig saman med Heiebrøtin, var haustseter. Om sumaren vart kyrne bortleigde til setrar på Veståse. Vanligvis hadde dei 3 kyr, 10 sauer og 10 geiter. Erik Gullberg kjøpte hest, før leigde dei hest til jordarbeidet.

Piggemoen

Piggemoen nord for nørdre Fønnhus har namn etter den eine av «Piggatn», Ola Olson Fønnhus frå nørdre Fønnhus, sjå der. Ola sette seg opp ei stugu her etter å ha oppgjeve Fønnus i 1808, er det fortalt. Før 1865 var Piggemeon fråflytta, og er ikkje nemnd i folketeljinga.

Ola Olson nørdre Fønnhus f ca. 1779 d 1858 som legdsfattig er mogleg den Ola Olson Fønnhus som i 1806 gifta seg med *Gudbjørg Mikjelsdotter Tronhus,* Klauvstad bruk I, f 1786 d 1815 som husmannskone under Fønnhus. Dei er nemnde på Fønnhus 1807 og på Fønnhuseige 1815. I 1812 er bustaden kalla Tronhuseige i kyrkjeboka, men namna Tronhus og Fønnhus blir tidvis forveksla. Barn:

1. Kari f 1807.
2. Anne f 1812.
3. Kari f 1815.

Sikkert er det at Ola Olson frå nørdre Fønnhus gifta seg i 1818 med *Kari*

Larsdotter Steinsetre f 1790. Etter kyrkjeboka var Ola ungkar. Dersom Ola hadde vore gift før, må difor denne opplysninga vera feil. Dei er nemnde på Fønnhus, men ein gong på Tronhus, sjå ovafor. Barn som me kjenner:

1. Ola f 1818 gm Anne Mikjelsdotter Hansebrøtahaugen, sjå Øvregarden 41/1.
2. Lars f 1823 d 1852.
3. Ragnhild f 1826.
4. Marit f 1829.

I 1837 gifta Ola seg som enkjemann opp att med *Kari Larsdotter Langbrøtin,* Langbrøtin av Tronhus, f 1798 d 1876. Barn:

1. Ola f 1833 gm Kari Andersdotter Eidseige, sjå Gullberg 56/9.
2. Lars f 1837 g 1861 m Tora Hansdotter Piltingsrudeige f 1839. Dei fekk i 1861 dottera Kari, gift i Amerika med Johan Andreasson Eidsmoen f 1854. I 1875 var dei husmannsfolk i Eidsbakko. Familien reiste til Amerika i 1877.

Fønnhuseige

Herbrand Tåmåsson og kona *Tora Gunnarsdotter,* sjå Steinsetereige, er nemnde på Fønnhuseige i 1786.

Tøstein Olson Eid, sjå Eidseige, f 1763 g 1. 1789 m *Kari Olsdotter Eid* f ca. 1766 d 1796, er nemnde på Eidseige 1790 og på Fønnhuseige 1792 og -93. Tøstein Olson g 2. m *Anne Embreksdotter,* sjå Haugsrudeige. Barn til Tøstein og Kari:

1. Ola f 1790.
2. Ola f 1792, den eine av Ola-ane gifta seg truleg i 1813 med Ingrid Nilsdotter Fekjar, sjå under Sørum.
3. Østen f 1793 gm Ragnhild Kristafersdotter Piltingsrud, sjå Trappopp under austre Piltingsrud.

Ivar Olson Langedrag, kan vera frå Langbrøta av Tronhus og f 1741, g 1779 m *Kari Arnesdotter Skarasetre* f 1747. Dei var på Storøydgardseige 1780, men på Fønnhuseige 1783, og var husmannsfolk her i 1801. Ved skiftet etter bror til Kari på Langøydgarde i 1806 var Ivar kalla Ivar Olson Koparvike. Barn:

1. Arne f 1780.
2. Siri f 1783 mogleg gm Erik Nilsson Landmarkseige.

Ola Nilsson Åsli g 1810 m *Ingrid Gudbrandsdotter* f ca. 1784 d 1812, er nemnde på Fønnhuseige 1812. Barn:

Ragnhild f 1812 gm Arne Person Lundatn, sjå Nilsebøle 50/13.

Ola Nilsson g 2. 1813 m *Jøran Mikjelsdotter,* sjå Hølerseterhaugen. Dei er nemnde på Fønnhuseige 1816—27.

Gul Monsson gm *Kari Amundsdotter* er nemnde på Fønnhuseige 1823 og -26, sjå Steinbrøtin 53/6.

Hølje Olson gm *Ingrid Arnesdotter,* sjå Liatn under Øyhus, er nemnde på Fønnhuseige 1828—36.

Eid

Gamalt matrikkelnr. 163, gamal skyld 2 skinn.
***1838:* Nytt matrikkelnr. 55, ny skyld 3 dalar 2 ort 5 skilling.**
***1888:* Gardsnr. 57, skyld 24 mark 76 øyre.**

Eid ligg på austsida av dalbotnen, på ei slags halvøy som stikk ut i Begna. Lendet er nokså flatt, og jordsmonnet leire i botnen med mold oppå. Tunet står øvst på innmarka, innunder dalsida.

Namnet Eid kjem av gamalnorsk *eiðr*. Det må nok ha oppstått gjennom ferdsla på Begna i eldre tid. Då var det langt mindre mødesamt å ta seg fram på vassvegane, på is eller i båt, enn etter sti og hesteveg. Men fossar og stryk i elvene tvang ferdafolk her og der til å leggje vegen over land. Ei slik landstrekning, som var avbrot på ein vassveg, vart kalla eid. Eid ved Begna ligg nett slik til. Den som kom etter Begna, møtte her Eidsføssen. Skulle ein forbi fossen, var det nok helst å ta vegen over halvøya på austsida.

Eid grensar i vest mot Begna, i nord mot Fønnhus, i sør mot Garthus, og går i aust innover åsen.

Rimelegvis vart Eid rydda i mellomalderen, låg øyde gjennom seinmellomalderen, og vart på nytt oppteken kring midten av 1600-talet. Skattemessig vart garden då klassifisert i den lægste skatteklasse som rydningsplass.

Tiende *1661:* 1 setting bygg. Matrikkel *1723:* Det er skog til husbehov, og kan årleg hoggast to—tre tylfter sagtømmer av furu. Seter i bygdeallmenningen der ein får eitt—to lass høy. Garden ligg måteleg til. Matrikkel *1761:* Ein husmann. Det kan hoggast 20 tylfter sagtømmer, og det er fyrst og fremst skogen som skaffar pengar til skattar og avgifter. Matrikkel *1782:* Ein husmannsplass.

Hovudbølet Eid har alltid vore éin gard, og har bnr. 1. I 1803 vart Eidskogen fråseld til kammerherre Anker, og skyldsett i 1806 for 1 skinn. Skogen til Eid skal ha vore ca. 12000 da. Den fråselde skogen, kalla Eidsmarke, vart seinare ein del av Greveskogane, og har vore på handel. Ved skylddelingar i 1916 og -18 vart den tidlegare plassen Eidsmoen med Gamlesetre utskild, og har bnr. 6 og 7. Denne eigedomen heiter no søre Eid. Plassen Trettebrøtin vart utskild som bnr. 8 i 1924, og Eidsbakkatn og Drengsprengsetre som bnr. 9 i 1942.

Til Eid høyrde frå gamalt setrane øvre og nedre Nybu ved Langevatnet, samt nørdre Drengsprengsetre og øvre Bringelie. Dei to fyrstnemnde og den sistnemnde ligg i Eidsmarken. På Drengsprengsetren tok seterdrifta slutt i 1950-åra. Den nedlagde plassen Eidsbakkatn vart også brukt som seter til same tidsrom.

Eid hadde tre husmannsplassar: Eidsmoen i sør, Trettebrøtin i nord og Eidsbakkatn oppe i åsen opp for garden. Dei to fyrstnemnde vart seinare eigne bruk, medan Eidsbakkatn var fråflytta før 1900.

I 1922 bygde Mikkel O. Eid ei hengjebru over Begna, Eidsbrue. Før brukte dei om sumaren båt over elva til Hellandshølen på vestsida. Her var det

Utsyn oppover dalen mot Hølera, sett frå austsida, med Eid i forgrunnen. På den andre sida av elva ligg søre og nørdre Hellandshølen. I bakgrunnen svinger dalen til venstre under Fønnhusknatte, og til høgre for Fønnhusknatte går Liabekkdalen oppover til Leirskogen.

stille vatn. På søre Hellandshøle hadde Eid eit vognskjul med vognreiskap til bruk på storvegen.

Om lag 1902 bygde Fønnhus-bøndene, Ole og Mikkel Eid og H. Rognerud frå Nordre Land ei tømmerrenne frå Langevatne oppe på åsen og ned til Begna ved Heiebrøtin. Tømmeret vart fyrst merka ved Langevatne, deretter fløytt etter Langevatne til renna, sjå også Fønnhus.

Innover Auståsen har det frå 1950-åra vore arbeidt med skogsvegar. Vegane er bygde som fellestiltak, og har vore viktige for alle som driv skogsdrift i Eid og Rustebakke skogar. Arbeidet tok til i 1953 med den såkalla *Snelivegen*. Denne tek opp frå Eidsmoe og går i nordleg retning oppover den bratte skoglia *Snelie* mot Eidsbakko. Mogleg heng namnet saman med at her gjekk det ein gamal hesteveg på skrått eller «på snei». Målet då ein starta, var å koma innover mot det store vatnet Drengsprengen på grensa mellom Bagn og Begnadalen, ein snau mil innpå åsen. Mellom Eidsmoen og Morud, inntil Begna, vart rydda ein

stor tømmervelte som kunne romme fleire tusen kubikkmeter. Sumaren 1955 kom vegen fram til nørdre enden av Drengsprengen. Frå innafor Eidsbakko vart det i 1956 bygt traktorveg til vatnet Vesteråsen. Vesteråsvegen vart utbetra til skogbilveg i slutten av 1960-åra. Vegbygging frå Gravvasshauge og sørover på heimsida av Store-Gravvatne tok til i 1970.

I 1940-åra sette Aslak Bøhle opp ei stor sag ved Vesle-Gravvatnet. Hit leverte skogeigarane ikring tømmer til ca. 1950. Materialane vart køyrde nordover til Etna stasjon, og derifrå sende til Spydeberg.

Folketal 1761—1900

	Menn 15—50 år	Gamle, kvinner og barn	Sum
1761	2	6	8

	Bondefolk	Tenestefolk	Husmannsfolk	Handverksfolk	Arbeidsfolk	Fattigfolk	Andre	
1782	8	2	7					17
1801	14	1	6	1				22
1865	7	1	23					31
1900	5	1	14				1	21

Husdyrhald, utsæd og avling 1657—1866

	Hestar	Kyr og ungdyr	Sauer og geiter	Utsæd tn.	Avling tn.	Høyavling
1657		5	5			
1723	1	6	6	1 3/4		
1761	1	6	12	2 1/2	10	14 lass
1782	1	8	16	2 1/2	12	30 lass
1866	1	11	25	8 1/4	52	75 skpd.
				korn		
				8	50	
				poteter		

Eigarar

Etter dei eldste eigaropplysningane var Eid krongods. Frå 1673 er Ove Brockenhus ført som eigar, frå 1679 Laurits Lauritsen, og frå 1694 Søren Hansen Lemmich, som var postmeister og borgar på Bragernes. Han selde Eid i 1697 til Sjugurd Erikson Tronhus.

Bruk, husmannsplassar og bustadhus

Den fyrste som «hugg den første buske» i Eid var ein *Jørgen Eid.* Dette fortel Fønnhus-karane Arne og Kjell Olsøner i eit vitneprov i ei sak om odelsrett i 1715. Saka var reist av Hans Hansson Sørum mot Sjugurd Erikson Bagn og Bjørn Arneson Øyhus av di dei ikkje ville avstå Eid.

Opplysningane som kjem fram i odelssaka i 1715, utfyller biletet andre skriftlege kjelder gjev om den eldste tida. Den nemnde Jørgen må ha vore fødd kring eller noko før 1600. Ryddinga i Eid tok til for over 60 år sidan, heiter det i 1715, altså før 1655. Då hadde Eid lenge lege øyde og skogen ete seg innpå, slik det indirekte blir fortalt om.

Etter å ha rydda nokre år, gav Jørgen garden frå seg til sonen *Tøstein Jørgenson,* som rydda og budde i Eid i levetida si. Tøstein betalde i 1657 8 skilling i tredjeårstake, og må ha overteke noko før. Jørgen flytta til bror sin i Lier, og fekk 10 rd. av sonen for ryddinga.

Tøstein Jørgenson er i 1664 oppgjeven å vera 42 år gamal. Venteleg er han identisk med den «Torsten Joensøn Eij» som vart gravlagd i 1695, 76 år gamal, og altså fødd kring 1620. Tøstein hadde ikkje barn, men tok til seg til brorsonen *Hans Hansson,* far til saksøkjaren i 1715, Hans Hansson Sørum. Hans Hansson d.e., som var fødd kring 1660 etter det me veit frå andre kjelder, var då ein liten gut. Hans gifta seg då han vart vaksen, og sytte for Tøstein i alderdomen hans. Kona til Hans heitte *Ingrid Pålsdotter.* Hans overtok Eid etter Tøstein, og fekk i 1689 bygselsetel av jordeigaren Søren Hansen Lemmich.

Hans Hansson d.e. budde i Eid til han vart driven derifrå av Sjugurd Erikson Bagn, blir det fortalt i 1715. Det skjedde i 1698. Til vintertinget i februar hadde Sjugurd Erikson Bagn, som hadde kjøpt Eid i 1697, innstemna Hans Hansson fordi sistnemnde ikkje ville flytja. Sjugurd hadde også tilbode seg å betala bygselpengane, 3 1/2 rd. Hans vart dømd til å ryddiggjera Eid innan fyrstkomande faredag.

Det ser ut for at Hans Hansson Eid er identisk med den Hans Hansson som i åra kring eller rett etter 1700 rydda Hansebrøtin under Tronhus, sjå Hansebrøtin 54/7. Hans Tronhus er fyrste gong innført i kyrkjeboka i 1702. Men i 1699 og også etter 1702 finn me Hans Eid, som må vera same mannen. Mogleg hang vel namnet Eid, som var knytta til Hans frå brukartida her, att i daglegtalen ei tid.

Saka i 1715 enda med frikjenning for Sjugurd Erikson Bagn etter di han hadde lovleg heimel og også fått skøyte på odels- og løysingsretten av oberst Brockenhus i 1707.

Sjugurd Erikson, sjå nedre Bagn bruk I, kjøpte som nemnt Eid i 1697, men vart ikkje lenge her. I 1701 makeskifta han dei 2 skinna i Eid mot 1 1/2

skinn i Øyhus med *Arne Bjørnson Øyhus* f ca. 1654 d 1722 i Eid gm *Guro Torgrimsdotter* f ca. 1654 d 1699 på Øyhus. Barn som me kjenner:

1. *Bjørn* f 1693, neste brukar.
2. Ola. Ola er kan hende den Ola Arneson Flaten som i 1733 gifta seg med Kjersti Olsdotter, sjå under Piltingsrud. Desse er iallfall nemnde i Eid 1733 og -35.
3. *Ågot,* sjå nedafor.

I 1701 er *Jørgen Olson* frå søre Fønnhus nemnd i Eid, då fleire slutta kontrakt om arv etter foreldra i Fønnhus. Jørgen Eid kan vera den Jørgen Olson som gifta seg med Siri Bjørnsdotter, dotter til Bjørn Arneson Øyhus, sjå Steinsrud. Jørgen Olson Eid må vera far til den Berte Jørgensdotter Eid som i 1707 gifta seg med Tørris Tøsteinson, sjå Tørrisplassen 74/33. Kom Jørgen til Steinsrud, var også *Bjørn Jørgenson* sonen hans. Denne Bjørn er nemnd i Eid 1717—23.

I 1719 skøytte Sjugurd Erikson Bagn halvdelen i den tømmerskog som ligg under Eid, heiter det, for 300 rd. til Ola Ellendson Seter. Sjugurd må då anten ha halde noko att ved makeskiftet i 1701 eller seinare ha kjøpt skog frå Eid.

I 1723 sel Ola Arneson Eid og Gullik Knutson med kone Ågot Arnesdotter all arv i Eid samt lausøyre etter foreldra til broren og svogeren *Bjørn Arneson Eid* g 1719 m *Ingrid Olsdotter.*

Bjørn Arneson høyrer me ikkje meir til i Eid. Derimot er svogeren *Gullik Knutson* f ca. 1689 d 1729 på Rustebakke g 1716 m *Ågot Arnesdotter* oppførte i kyrkeboka med namnet Eid 1716—26, med unnatak av 1722. Men ved skøytet til Bjørn i 1723 heiter det at dei held til på Tronhus, og dei er også kalla Tronhus i kyrkjeboka i 1722. Barn:

1. Arne f 1716.
2. Anne f 1718 d 1743, kalla Storruste, sjå nedafor, Hallstein.
3. Ola f 1720 d 1741, kalla Storruste.
4. Bjørn f 1722.
5. Guro (Guri) f 1723 truleg gm Anders Østenson Goplerud, sjå under Landsenden.
6. Bjørn f 1726.
7. Hallstein f 1728, sjå under Storruste.

I åra 1723—26 vart *Gullik Timannson Torsrud* eigar. Han skøytte i 1726 for 600 rd. til Ivar Kjellson Fønnhus. Ivar Kjellson lånte i 1726 400 rd. av Andreas Jensen Hofgård på Bragernes for å finansiere kjøpet. Dei siste 200 rd. skulle nok Aslak Hallvorson Brattrud leggje ut. Aslak vart i 1728 stemna av Gullik Timannson for ikkje å ha betalt, og året etter stemna Aslak Kjell Fønnhus, far til Ivar, for ikkje å ville svara for dei 200 rd. på vegner av sonen. I 1732 lånte Ivar ytterlegare 261 rd av Kirsten Hofgård, enkje etter Andreas. Lånet skulle betalast med godt sagtømmer ved Busterud neste sumar. Men gjelda hopa seg opp, og alt i 1733 døydde Ivar. Ved skiftet var bruttoeiga 757 rd., av det Eid taksert for 450 rd., men gjelda 824 rd.

Ivar Kjellson nørdre Fønnhus f 1698 d 1733 i Eid g 1727 m *Ingebjørg Herbrandsdotter* ca. 1686 d 1744. Ho hadde før vore gm Embrek Mikjelson Bøen på Bøen bruk III. Barn:

Ola f 1732 d liten.

Etter at Ivar Kjellson var død, overdrog Kirsten Hofgård i 1733 Eid til Ola Kristaferson frå Haugsrud mot at Ola innfridde gjelda på i alt 748 rd. Ola finansierte kjøpet ved eit nytt pantebrev til Kirsten Hofgård. Ved kontrakt i 1734 påtok Ola seg å syte for Ingebjørg Herbrandsdotter i alderdomen, og ho overdrog alt ho åtte.

Ola Kristaferson søre Haugsrud f 1711 d 1787 g 1732 m *Tora Olsdotter vestre Piltingsrud.* I 1754 ser dei ut til å vera nemnde på Rundhaug, er i ekstraskattelista 1766 oppførte under søre Haugsrud, og Ola døydde som legdsfattig på Haugsrudeige. Barn:

1. Barbro f 1733.
2. Kristafer f 1734 d 1770.
3. Maren f 1736.
4. Ola f 1737.
5. Ola f 1740.
6. Ivar f 1742.
7. Karen f 1745.
8. Anne f 1750.
9. Mari f 1754 venteleg d 1774.

I 1746 selde Ola Kristaferson for 640 rd. til brørne Arne og Mikjel Mikjelsøner Langøydgarden. Arne må ha overteke parten til Mikjel.

Arne Mikjelson søre Langøydgarden f 1714 d 1805 g 1750 m *Siri Amundsdotter Rustebakke* f ca. 1732 d 1806. Barn:

Mikjel f 1751, neste brukar.

Siri Amundsdotter hadde også sonen Ola Jonson, som var steson til Arne Mikjelson. I 1773 overdrog Arne Eid Storsvee til Ola Jonson mot at sistnemnde fråskreiv seg arverett etter mora.

I 1766 overdrog Arne Mikjelson Eid eit engestykke i Bringelisetren til Arne Olson Fønnhus mot fjerdeparten av fisket i Hellandshøle.

I 1770-åra overdrog Arne Mikjelson til sonen Mikjel Arneson. Kontrakt om livaure er datert 6. juli 1778.

Mikjel Arneson Eid f 1751, levde i 1801, g 1773 m *Kari Hallsteinsdotter Rustebakke* f 1756 d 1809. Mikjel fekk i 1770 sonen Arne med Ingrid Olsdotter Kyrkjebjørgo. Arne gm Siri Knutsdotter Lundatn, sjå Milevasslie 41/4. Barn til Mikjel og Kari:

1. *Arne* f 1774, neste brukar.
2. Hallstein f 1777.
3. Siri f 1778 gm Lars Olson Steinsetre, sjå Langbrøtin av Tronhus.
4. Anne f 1779 venteleg gm Arne Olson, sjå Eidseige.
5. Hallstein f 1782 gm Anne Olsdotter Garthus, sjå Skiftet under Garthus. I 1813 fekk Hallstein dottera Anne med Anne Østensdotter.
6. Ola f 1784 d 1802.
7. Kari f 1786 gm Ola Ellendson Tronhuseige, sjå Jamsis under Tronhus.
8. Ingebjørg f 1788, til Hole, Ringerike, 1816.
9. Ingrid f 1791, til Norderhov 1821.
10. Gunhild f 1793 d 1803.
11. Amund f 1801 d 1802.

I 1793 selde Mikjel Arneson halve garden for 400 rd. til sonen Arne, som i 1798 også fekk skøyte på den andre halvdelen for 760 rd. Arne åtte nå garden med Drengsprengsetre og slåttenga Langøye.

Arne Mikjelson Eid f 1774 g 1796 m *Kari Julsdotter Solbjør* f ca. 1777. Barn i Eid:

1. Mikjel f 1798 d 1802.
2. Kari f 1800.
3. Jul f 1802.
4. Arne f 1805.

I 1803 selde Arne Mikjelson for 3600 rd. til *Ola Aslakson Austegarden.* Ola Aslakson kom til Eid, og skulle svara livaure til båe ektepara som hadde brukt Eid før Arne Mikjelson. Men Ola vart ikkje lenge, og selde alt seinare same år attende til Arne for 3720 rd.

I 1803 selde Arne Eidskogen til kammerherre Anker for 4999 rd., men tok unna setrar, slåttar, hamne, all lauvskog, bygnings-, gjerdes- og nøytslefang. Bygnings- og sagtømmer skulle berre takast etter utvising. Far til Arne, Mikjel Arneson, selde også til Anker skogen han og kona hadde halde att etter kontrakt med sonen.

I 1807 selde Arne Mikjelson Eid for 2800 rd. til *Kristafer Kristaferson Lia* frå Hedalen, austre Piltingsrud, f 1765 d 1834 g 1795 m *Tora Mikjelsdotter Tollevsrud,* Bakke i Hedalen, f 1775 d 1848. Desse var dei fyrste av slekta som sidan har vore i Eid. Ved skiftet etter Kristafer var bruttoeiga 1207 spd. og nettoeiga 666 spd. Barn:

1. Anne f 1796 gm Erik Andersson Eid, sjå Trettebrøtin 57/8.
2. Ingrid f 1797 gm Arne Mikjelson søre Fønnhus.
3. Kristafer f 1800 d 1809.
4. Kristafer f ca. 1802 d 1809.
5. Kari f 1808 d 1809.
6. Kari f 1813 gm Ola Hallsteinson Storøydgarden, sjå Leikebakke.
7. *Mikjel* f 1817 gm Olea Gudbrandsdotter Iljanstad, sjå der.
8. *Kristafer* f 1817, tvilling med Mikjel, neste brukar.

Kristafer Kristaferson Eid f 1817 og kona Siri Olsdotter f Tømtitn 1825. Kristafer hadde Eid og Rustebakke, og budde litt båe stader. Sonen Ola fekk Eid og Mikjel Rustebakke.

I juli 1825 vart Eid taksert av di Kristafer Eid ville søkje om lån mot pant i garden. Eigedomen hadde ca. 60 mål åker, og kunne år om anna fø 2—3 hestar, 16—20 naut og inntil 60 småkrøter. Garden hadde naudsynlege, brukande hus, tre setrar, tre husmannsplassar, eit viktig fiske, og skog til behov, men ikkje til sal. Taksten i alt vart 1500 spd.

På skiftet etter Kristafer Kristaferson vart Eid utlagd til sønene Kristafer og Mikjel, med halvdelen til kvar. Mikjel selde halvdelen sin i 1842 for 400 spd. til broren Kristafer.

Kristafer Kristaferson Eid f 1817 d 1899, brukte namneforma Christo-

pher, g 1844 m *Siri Olsdotter Tømtitn* f 1825 d 1896. Kristafer var gardbrukar i Eid til 1882. Han arbeidde for å kjøpe attende skogen som var fråseld i 1803, eit arbeid som sonen Ola heldt fram med. I 1866 kjøpte han Rustebakke av Amund Hallsteinson Rustebakke, som drog til Amerika. Kristafer åtte også garden Hjelle på Ask, Ringerike, som han overtok i 1870-åra etter Jakob Garthus. Eid overlet Kristafer til sonen Ola og Rustebakke til Mikkel. Kristafer og Siri hadde livaure hjå sønene i Eid og på Rustebakke. Barn:

1. Kristafer f 1845 g 1867 m Inger Bertine Johannesdotter nørdre Garthus f 1846. Dei fekk i 1868 dottera Sigrid. Familien reiste til Amerika. I 1883 reiste Kristafer til Amerika att etter å vore i Noreg. Saman med han drog broren Martin.
2. *Ola* f 1848, neste brukar.
3. Mikkel f 1850 d 1851.
4. Mikkel f 1852 d 1852.
5. Mikkel f 1853 gm Gunhild Olsdotter Storsvee, sjå Rustebakke.
6. Tonette f 1857 gm Ola Sveinson Bagnsjordet, sjå Flatåker 39/7.
7. Martin f 1860 d 1861.
8. Martin f 1863, til Amerika 1883.

Brukarfamilie i Eid. Foran Ola Kristaferson (Ole Chr.) Eid f 1848 og kona Gjertrud Mikkelsdotter f Rustøe 1854. Barna bak er frå venstre Mikkel, Sigrid og Kristofer.

Etter matrikkelførebuinga 1866 var det 40 mål ganske god åker og dyrka eng, 60 mål ganske godt slåtteland, frå utmark og setrar kom 25 skippund høy, hamninga var tilstrekkeleg, dei lauva 3000 kjerv, og garden var lettbrukt. I 1865 hadde dei 2 hestar, 15 naut, 11 sauer, 24 geiter, 1 gris, og sådde 1 1/4 tønne bygg, 5 tønner blandkorn og 10 tønner poteter.

I 1882 selde Kristafer Eid og skog under Rustebakke, 67/2, til sonen *Ola Kristaferson Eid* f 1848 d 1936 g 1878 m *Gjertrud Mikkelsdotter Rustøe* f 1854 d 1923. Barn:

1. Kristofer f 1879 gm Kari Olsdotter Åsen (Omsrud), sjå Åsen.
2. Sigrid f 1881 d 1882.
3. Sigrid f 1883 gm Gudbrand Ellefson Grimsrud. Dei bygde opp den nye garden nørdre Grimsrud 69/2, sjå der.
4. Mikkel f 1885 d 1888.
5. Kari f 1887 d 1888.
6. Mikkel f 1889 d 1891.
7. Kari f 1891 d 1891.
8. *Mikkel* f 1892, neste brukar.

Kristofer Eid f 1879 var odelsgut, med sa frå seg garden av di han hadde

Mikkel Olson Eid f 1892 og kona Sigrid Olsdotter f Bagnsjordet 1893 med barna. Bak Gjertrud, Sigrid og Ole. Foran Oddleiv og Kristoffer.

overteke Åsen etter giftarmålet med dottera der. Ola selde då i 1918 til den yngre sonen *Mikkel Olson Eid* f 1892 d 1972 g 1914 m *Sigrid Olsdotter Jordet,* søre Bagnsjordet 39/13, f 1893 d 1960. Mikkel Eid kjøpte skogen Huldravasslie. Barn:

1. *Ole* f 1915, neste brukar.
2. Gjertrud f 1916 gm Olav Nybråten, Hølera.
3. Oddleiv f 1918 gm Ragna Huset, sjå Trettebrøtin 57/8.
4. Kristoffer f 1920, skogeigar, bur på Eid.
5. Sigrid f 1922 gm Ellef Bøen, sjå Bøen 11/12.

Ole Mikkelson Eid f 1915, gm *Dorthe Haug,* Haug 12/20, f 1910. Ole M. Eid har nedlagt eit stort arbeid for bygging av skogsbilvegar innover Auståsen. Barn:

Mikkel f 1943, eigar frå 1981.

Mikkel Eid f 1943 gm *Marit Brattrud,* midtre Brattrud 23/9, f 1943. Barn:

1. Anne Dorthe f 1973.
2. Oddrun Helen f 1976.

Eid har 68 da. dyrka jord og 4900 da. skog og utmark, av det 4000 da. produktiv skog. I innmarka er namna

Lyuåker'n, Båtstøfeten, Båtstøhaugen, Myråker'n, Smiuåker'n, Fjøsåker'n, Piggebrøttet, Harpelandet, Linlandet, Nylendet, Elveåker'n, Bjønnabrøta, Vike, Strypa og *Gommebakkin.* Det vart slutt med krøter kring 1960.

Husa er hovudbygning i to høgder, som iallfall fekk nytt tak i 1859. Ein annan og eldre bygning står lengre opp. Ovafor var ei gamal smiu. Badstugu er borte. I 1904 brann den dåverande låven, og ny driftsbygning var bygd etterpå. Stabburet er gamalt. Den gamle stugu på Trettebrøta vart flytta til Eid som smiu.

Sandvold bnr. 18

Bustadhus på tomt utskild frå skog under Eid, bygt 1953 av *Kristian Haugen,* Trulsebråtån under nørdre Garthus, f 1915, skogsarbeidar, gm *Magnhild Hippe,* Prestbrøtin 28/9, f 1924. Barn:

Kari Margrethe f 1960.

Eidsmoen (no søre Eid) bnr. 6 og 7

I 1916 var den tidlegare plassen Eidsmoen med setra Gamlesetre utskild som bnr. 6. Eit mindre areal, bnr. 7, vart utskild i 1918. Offisielt heiter bruket søre Eid, men blir i daglegtale framleis kalla Eidsmoen. Eidsmoen ligg på grus og sandjord på ei flate langs Begna, vel 1 km sør for Eid.

Mogleg er Eidsmoen identisk med den plassen som i eldre tid er kalla *Eidsbrøtin.* Er det rett, kan han vera rydda i slutten av 1700-talet, sjå Eidsbrøtin.

Dei fyrste me sikkert veit budde her, er *Ola Amundson Eid* f 1789 d 1882. Foreldra hans budde i Eidsbrøta, sjå der. G 1813 m *Olea Mikjelsdotter Braka,* Braka 44/bruk II, f 1785 d 1875. Dei er nemnde på Brakaeige 1814, var seinare nokre år på Lundeeige i Bruflat, og er nemnde på Eidseige eller Eidsmoen frå 1825. Barn:

1. Amund f 1814 g 1 m Guri Knutsdotter Bakkatn, g 2. m Gjartrud Tøsteinsdotter Brettatn, sjå båe gonger Bøen, ukjend bustad. Amund Eidsmoen var skulehaldar, den fyrste seminaristen frå Sør-Aurdal. Amund og Gjartrud reiste til Amerika, og busette seg i Sør-Dakota, der Amund vart ein kjend lærar.
2. Gunhild f 1816 gm Andreas Andersson Garthushaugen.
3. Kristafer f 1818 g 1845 m Inger (Inge) Andersdotter Tronhussetereige, nedre Tronhusseterbrøtin, f 1822. Dei drog til Amerika i 1852.
4. *Ragnhild* f 1822, neste husmannskone.
5. Mikjel f 1825, til Amerika 1852.
6. Ingebjørg f 1828, til Amerika 1857.

Neste husmannsfolk var dottera *Ragnhild Olsdotter* f 1822 d 1890 g 1850 i Fluberg kyrkje m *Andreas Olson Bjerke,* Land f 1823 d 1903. I 1865 brukte dei plassen saman med foreldra til Ragnhild. Barn:

1. Ole f 1852, til Amerika 1871, gm Karen Sharpe.
2. Johan f 1854, til Amerika 1877, gm Kari Larsdotter f 1861, sjå Piggemoen under Fønnhus.

Berte Syversdotter f Heiebrøtin 1874 og mannen Anton Andersson Trettebråten f 1859. Dei budde på Eidsmoe. Anton kom som ung til Trettebrøtin, og tok namnet derifrå.

3. Ole Andreas f 1856 gm Gunhild Andersdotter Skiftet under Garthus, sjå der.
4. Oleanna f 1858 gm Ole Andreas Arneson Eidsbakkatn f 1863 d i eller før 1891, då Oleanna var enkje på Eidsmoe. Dei fekk dottera Anne Regine i 1890.
5. Inger Maria f 1860 d 1886.
6. Amund f 1863, til Amerika 1887, gm Anne Ivarsdotter Hansebråten f 1865.
7. Martin f 1865 d 1929.

I 1865 hadde dei 4 naut, 4 sauer, 5 geiter, og sådde 1/2 tønne bygg, 2 1/2 tønner blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

I 1900 var det to husmannsfamiliar på Eidsmoe. Den eine var *Ole Tollefson* gm *Anne Sofie Nilsdotter,* sjå Moen 55/7. Dei er nemnde her også i 1902. Den andre familien var *Anton Andersson Trettebråten,* nedre Dølvesbergatn 48/20, f 1859 d 1936 g 1898 m *Berte Syversdotter Heiebråten* f 1874 d 1961. Anton og syskena hans måtte tidleg heimanfrå av di faren fraus i hel ein gong han skulle hente mat nede i bygda. Familien budde då inne på åsen på vestsida. Anton kom til Trettebrøtin, og tok namnet Trettebråten. Anton Trettebråten og familien hans budde lenge på Eidsmoe. Barn:

1. Anders f 1898 gm Anne Kristoffersdotter Ingemoen, sjå Tørstad 54/16.
2. Olaug f 1907 gm Arne Rustebakke, sjå Morud 67/4.

I 1918 fekk *Kristofer Eid* skøyte av faren på Eidsmoen og Rustebakke skog. Kristofer var eldstesonen på Eid, men let den yngre broren Mikkel overta Eid. Sjølv hadde Kristofer gifta seg til Åsen. Eidsmoen vart utleigd, og lengst budde Anton Trettebråten og familien hans her.

Kristofer Eid overlet Eidsmoen og halve Rustebakke skog i 1945 til sonen *Haakon Eid,* Åsen, f 1914. Den andre halvdelen av Rustebakke skog hadde bror til Haakon, Olav Eid, som budde i Åsheim i Åsebygden. Håkon er gm *Anna Torine Hjelle,* Aurdal, f 1918. Dei flytta til Eidsmoen i 1944. Håkon har drive som maskinentrepenør ved sida av gardsdrifta. Barn:

1. Kjell Arne f 1943, sambuar med Inger Johanne Lineikro, sjå Øvrevøll 32/12.
2. Ove Gunnar f 1945 gm Tone Engebretsen, Lier.

Eidsmoen eller søre Eid har 40 da. innmark, av det 27 da. dyrka jord. Av dette har Håkon Eid dyrka 23 da. Håkon og Anna Torine eig også midtre Hjelle i Aurdal, som dei har køyrt fôr frå til Eidsmoen frå midten av 60-åra.

På Eidsmoe er alle husa vølte. Våningshuset var opphavleg ei gamal stugu med tre rom. Her er påbygd ei høgd til og grave kjellar. Ei eldre stugu stod rett sør for noverande våningshus. Uthuset er frå kring 1920, etter krigen vart eit fjøs støypt inntil. Stabburet stod før lengre sør, og er flytta inntil uthuset.

Gamlesetre i Eidsmarken var den gamle setra til Eidsmoen. Her finst no ikkje hus, og vollen er tilplanta.

Trettebrøtin (no nørdre Eid) bnr. 8

Nørdre Eid er den tidlegare plassen Trettebrøtin, og ligg i dalbotnen om lag 1500 m nord for Eid. Trettebrøtin var oppteken seinast ved midten av 1700-talet, for i 1751 fekk husmannen *Knut Olson* og kona hans bygselsetel for livstid på Trettebrøtin for 1 rd. 3 ort i årleg leige.

Deretter veit me ikkje kven som budde her før *Gudbrand Arneson Åsli* og kona *Kari Mikjelsdotter Klauvstad* er nemnde her nokre år frå om lag 1830, sjå Hesjadalen 55/8.

Erik Andersson Eid, venteleg frå austre Piltingsrud og f 1799, d 1850 i Trettebrøta g 1823 m *Anne Kristaferdotter Eid* f 1796. Dei er nemnde på Garthushaugen 1830 og -34, men fekk nok deretter overlate Trettebrøtin av foreldra til Anne. Anne reiste til Amerika i 1855. Barn:

1. Siri f 1822 d 1824.
2. Anders f 1826.
3. Siri f 1827, til Amerika 1855.
4. Anders f 1830, til Amerika 1853.
5. Tora f 1834, til Amerika 1855.
6. Kristafer f 1842, til Amerika 1855.

Ivar Eivindson Tronhuseige gm *Guri Olsdotter Sørflatseige* er nemnde på Trettebrøta frå 1856. I 1871 fekk Ivar festesetel på Milevatnet, sjå der.

Guri og Ivar hadde i 1865 1 hest, 3 naut, 5 sauer, 5 geiter, og sådde 1/4 tønne bygg, 1 tønne blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

Husmannsfolk i 1875 var *Ola Olson Skarshaugen* f 1843 d 1929 g 1. 1868 m *Beret Bjørnsdotter Storsvelykkja* f 1841 d 1888. Ola gifta seg opp att i

1890 med *Sofie Syversdotter Rugbrøtin,* søre Rugbrøtin 15/7, f 1850 d 1929, og dei heldt fram med å bu på Trettebrøta. Barn:

1. Berthe f 1891 gm Martin Olson Hesjadalen, sjå Brøtalie 55/9.
2. *Olav* f 1892 gm Gunhild Gudbrandsdotter Hagen, sjå nedafor. Olav kjøpte i 1927 søre Hesthagin 34/1, sjå der.
3. Anne f 1895 d 1906.

I 1925 kjøpte *Olav Trettebråten* bruket etter skylddeling året før. Men Mikkel Eid tok att Trettebrøtin på odel, og Olav skøytte i 1926 til Oddleiv Eid, son til Mikkel. Deretter stod Trettebrøtin tom til 1950, då Oddleiv flytta hit.

Oddleiv Eid f 1918 gm *Ragna Huset,* Hedalen, f 1925. Barn:

Lars f 1952, bur på Hønefoss.

Trettebrøtin eller nørdre Eid har 16 da. dyrka jord og 500 da. produktiv skog. 110 da. av heimskogen brann i 1979. Til 1962 hadde dei krøter, seinare sauer nokre år, og dei siste åra har jorda vore bortleigd.

Den gamle stugu på Trettebrøta hadde to rom, og vart flytta til Eid som smiu. Ny bygning 1950. Låven er frå 1943, fjøset noko yngre.

Eidsbakkatn

Oppe i åsen opp for Eid låg plassen Eidsbakkatn, eller berre Bakkatn. Etter husmannstida var Eidsbakkatn brukt av Eid som seter til 1950-åra.

Dei fyrste kjende husmannsfolka her er *Anders Erikson Piltingsrudeige,*

Sofie Syversdotter f Rugbrøtin 1850 og Ola Olson Trettebråten f 1843 utafor stugu på Trettebrøta, der dei budde fram til 1926. Ola var ein flink snikkar og smed, og ein lettliva og snodig kar.

frå ein plass under vestre Piltingsrud, f 1796 d 1874 g 1821 m *Olea Gudbrandsdotter Steinsetereige* f 1797 d 1882. Båe døydde i Eidsbakko. Dei ser ikkje ut til å ha budd andre stader enn i Eidsbakko. Med Anders og Olea i 1865 budde foster- og dottersonen Andreas Håvelson, 11 år, og dottera Marit med sonen hennar, sjå nedafor. Barn:

1. Erik f 1821 gm Kari Gulsdotter Nybrøtin, sjå Nybrøtin 55/2.
2. Gudbrand f 1823 gm Anne Sveinsdotter Heiebrøtin, sjå Brøtalia 55/9.

3. Ola f 1825 g 1853 m Gunhild Olsdotter Åseneige, Moen 55/7, f 1831, til Amerika 1853.
4. Tora f 1828, til Torpa 1854.
5. Anne f 1831.
6. Kari f 1835 gm Ola Olson Fønnhuseige, sjå Gullberg 56/9.
7. Hans f 1838 d 1853.
8. Marit f 1840 gm Ole Kristianson Skarseige, sjå Sveriplassen 50/32. I 1875 var dei i Ivarsbrøta under Åse. Marit hadde sonen Ole Andreas Arneson, f 1863 i Aust-Torpa. Far hans heitte Arne Hansson. Ole Andreas g 1889 m Oleanna Andersdotter Eidsmoen, sjå der.

Buskapen i 1865 var 4 naut, 5 sauer og 9 geiter, og dei sådde 1 tønne blandkorn og 2 1/2 tønner poteter.

Lars Olson Fønnhuseige og kona *Tora Hansdotter Piltingsrudeige* var husmannsfolk i 1875. Dei reiste til Amerika i 1877, sjå Piggemoen under nørdre Fønnhus.

Dei siste som budde i Eidsbakko, var *Trond Olson* og *Ingrid Olsdotter.* Dei er nemnde her i 1878 og -80, sjå Bråtån 67/9. I folketeljingane 1891 og 1900 er Eidsbakkatn ikkje nemnd.

Eidsbrøtin

Plassen Eidsbrøtin må anten vera Eidsmoen eller Trettebrøtin. Eidsbrøtin er brukt i 1811, då Ola f 1811, sjå nedafor, ved giftarmålet er oppført med dette namnet. Om foreldra er i kyrkjebøkene berre nytta nemninga Eidseige.

Amund Olson, nørdre Brattrud bruk I, f 1750 d 1827. Amund er ved giftarmålet i 1779 kalla Tronhuseige, venteleg av di faren Ola Amundson ei tid åtte Gladhaug. Gm *Ragnhild Olsdotter søre Lundatn* f 1756. Barn:

1. Ola f 1780.
2. Ola f 1781 gm Beret Olsdotter Føss, sjå Heiebrøtin 56/6.
3. Ragnhild f 1785 d 1789.
4. Kristafer f 1787.
5. Ola f 1789 gm Olea Mikjelsdotter Braka, sjå Eidsmoen.
6. Kari f 1791 d 1792.
7. Kari f 1795 gm Gul Monsson Hellandshølen, sjå Steinbrøtin 53/6.
8. Kristafer f 1798 d 1809.

Eidseige

Lars Jonson Tronhus gm *Ingeborg Jonsdotter* er nemnde på Eidseige 1731—37. I 1732 vart husmannen Lars Jonson stemna for gjeld. Sjå under Tollevsrud.

Ola Tøsteinson Grimsrud, sjå under Piltingsrud, f 1730 d 1817 g 1758 m *Rannei Olsdotter «Bakken»,* kan vera frå øvre Slette 12/3, 15 og f 1731, d 1818. Båe var legdsfattige på Haugsrudeige då dei døydde. Dei er nemnde på Eidseige etter giftarmålet, men budde hjå sonen Tøstein på ein plass under Haugsrud i 1801. Barn:

1. Gjartrud f 1758 gm Ola Olson Sørum, sjå Vika under Haugsrud.
2. Kjersti f 1761 gm Knut Olson Piltingsrudeige, sjå Ospelia under Grimsrud.
3. Tøstein f 1763 g 1. m Kari Olsdotter Eid, sjå Fønnhuseige, g 2. m Anne Embreksdotter, sjå Haugsrudeige, g

3. m Anne Johannesdotter Haugsrudeige, sjå Kverna under Haugsrud.
4. Ola f 1767.
5. Ingrid f 1772 d 1772.
6. Hallvor f 1772, tvilling med Ingrid, d 1772.
7. Hallvor f 1774.
8. Ingrid f 1777.

Arne Arneson og *Anne Mikkelsdotter* fekk dottera Anne på Eidseige i 1805.

Arne Olson Eidseige g 1808 m *Anne Mikkelsdotter Eidseige.* Dei fekk sonen Ola i 1808 på Eidseige og dottera Anne på Sørum i 1816.

Gudbrand Johannesson Eid, sjå under austre Piltingsrud, f 1784 d 1812 på Eidseige g 1811 m *Taran Olsdotter Garthus,* sjå under Garthus, f 1783. Dei fekk dottera Taran på Eidseige i 1812. Taran Olsdotter truleg g 2. 1815 m *Ola Olson Nerbyeige,* sjå under Nerby.

Eid, ukjend bustad

Ola Olson og *Marit Eriksdotter* er nemnde på Eid 1746—50, sjå Tronhus, ukjend bustad.

Knut Olson Fekjar og *Kari Olsdotter* (?) er nemnde på Eid 1751—53, og er deretter kalla Åsen, sjå Åsen, ukjend bustad.

Anders Olson Eid eller *Rundhaug* fekk i 1771 sonen Erik med *Anne Andersdotter Tronhuseige.*

Særskilt matrikulerte setrar

Til Bagn sokn høyrer nokre setereigedomar som vart skyldsette på 1800-talet, og fekk eigne matrikkelnummer, seinare eigne gardsnummer. Dette gjeld:

Huldrabakkin, i 1888 gardsnummer 58, skyld 54 øyre.

Lundelisetre, i 1888 gardsnummer 59, skyld 25 øyre.

Øvre Teinevassetre, i 1888 gardsnummer 60, skyld 34 øyre.

Nedre Teinevassetre, i 1888 gardsnummer 61, skyld 34 øyre.

Nedre Vangen, i 1888 gardsnummer 62, skyld 25 øyre.

Øvre Vangen, i 1888 gardsnummer 63, skyld 39 øyre.

Bukfyll, i 1888 gardsnummer 64, skyld 20 øyre.

Register

Stadnamn i Sør-Aurdal

Register over gardar, husmannsplassar og bustadhus samt andre eigedomar eller stader som er omtala i eigne avsnitt.

Andersseter, sjå Tronhussetre, øvre 54/5
Arnestad 37/39, 51 85
Aslaksrud u. Storøydgarde, nedre 220
Aspelheim u. Sveo 272
Aspholt 39/37 174

Bagn 73
Bagn Spareforening 203
Bagn, øvre, gnr. 37 79
Bagn, austre, sjå Langøydgarden, søre
Bagn, nedre bruk I 117
Bagn, nedre bruk Ia 119
Bagn, nedre bruk Ib 120
Bagn, nedre bruk II 135
Bagn, nedre bruk IIa 136
Bagn, nedre bruk III 162
Bagn, nedre bruk IV 178
Bagn, nedre, seinare gnr. 38 og 39 116
Bagn, sjå Tamburgarden 39/5
Bagn, ukjend bustad 206
Bagn, øvre bruk A 79
Bagn, øvre bruk B 80
Bagn, øvre bruk I 80
Bagn, øvre bruk III 116
Bagnsbakkatn u. Bagnsjorde 175
Bagnsbergatn 37/1 85
Bagnsberget, sjå Berg 39/52
Bagnsbrøtin 39/17 194
Bagnseige 205
Bagnsjordet, nørdre 39/12 171
Bagnsjordet, sjå Bagn, nedre bruk III
Bagnsjordet, sjå Flatåker 39/7
Bagnsjordet, søre 39/13 142
Bagnslie u. Bagnsjorde 170
Bagnslykkja 39/9 167
Bagnsmoen 200
Bagnsøydgarden, nørdre 39/15 182
Bagnsøydgarden, sjå Bagn, nedre bruk IV
Bagnsøydgarden, søre 39/10 189
Bagnsøydgardseige 200
Bagnsåsen 39/44 152
Bakkatn u. Jukam 50
Bakkatn, sjå Eidsbakkatn u. Eid
Bakketun 36/37 49
Barlund 39/55 152
Bekkero, på Klukkarmoe 154
Bekkestugu u. Langedrag 519
Bekkevold, på Klukkarmoe 154
Bekkevold, på Klukkarmoe 155
Berg 39/52 175
Berg, frå Fønnhus, nørdre 707
«Berg ødegård», sjå Bergsøydgarden
«Berg ødegård», sjå Langøydgarden, nørdre
Bergabrøtin 39/34 192
Bergatn, nedre 381
Bergatn, nedre, sjå Dølvesbergatn, nedre
Bergatn, sjå Bagnsbergatn 37/1
Bergatn, sjå Dølvesbergatn
Bergei u. Langøydgarde 240
Bergen 37/59 107
Berget, sjå Berg 39/52

Berget, sjå Klubbeberget u. Tronhus
Bergheim 54/39 638
Bergli 36/8 43
Bergli 44/44 279
Berglund 50/20 476
Bergseng 44/19 289
Bergsøydgarden 211, 242, 244, 260
Bergåk 52/23, 26 555
Biribakken 38/5 128
Birkely 44/30 289
Bjødnaplassen, sjå Oppheim 53/33
Bjødnaskaret 47/9 324
Bjødnsplassen, midtre u. Dølve 397
Bjødnsplassen, nedre, sjå Bjørnstad 48/39
Bjødnsplassen, nørdre u. Dølve 399
Bjødnsplassen, sjå Bjørnstad 48/39
Bjørke 47/27 341
Bjørke u. Ølmhus 560
Bjørkeli 37/64 95
Bjørkelund 37/11 105
Bjørkheim, Leirskogen 289
Bjørklund, sjå Føsselykkja 40/7
Bjørnebo, på Klukkarmoe 154
Bjørnstad 48/39 390
Braka 273
Braka 44/1 284
Braka 44/10 279
Braka bruk I 275
Braka bruk Ib 279
Braka bruk II 281
Braka bruk IIa 284
Braka, øvre 44/15 292
Brakajordet 44/8 287
Braker, sjå Braka
Braker, sjå Halle 44/9
«Bratlie av Leirskogen» 280
Brattebakke 44/17 279
Breidablikk 39/11 m.fl. 186
Brenne 44/21 291
Brenne, nørdre, sjå Dølvesbrenne, nørdre
Brenne, sjå Dølvesbrenne
Brenne, sjå Håvårdsonplasse u. Skaro
Brenne, søre, sjå Koparvikbrenne 50/2
Brenne, øvre, sjå Dølvesbrenne, øvre 48/14
Brenninge u. Storøydgarde 233
Brenninge u. Tømto 256
Brenno u. Jukam 51
«Briskebyen» 432, 437
Brubakkin 39/23 158
Brubakklykkja 39/22 156
Brue u. Ellendshauge 96
Brumoen 53/19 554
Brumoen u. Tronhus 648
Brøtalia 55/9 684
Brøtin u. Gastgjevarhauge 114
Brøtin u. Jukam 45
Brøtin, nedre, sjå Tronhusseterbrøtin, nedre
Brøtin, sjå Bagnsbrøtin 39/17
Brøtin, sjå Bergseng 44/19
Brøtin, sjå Dølvesbrøtin 48/19
Brøtin, sjå Hølerseterbrøtin 53/7
Brøtin, sjå Joplassen 47/3
Brøtin, sjå Vilhelmsbrøtin 40/3
Brøtin, øvre, sjå Tronhusseterbrøtin, øvre
Bukfyll 726
Bøle u. Ølmhus 565
Bøle, sjå Leikebakkebøle 45/4
Bøle, sjå Nilsebøle 50/13
Børthus u. Tronhus 648
Bårdelie, sjå Bjørke u. Ølmhus

Dagfinnsgard, i Austegarde 353
Dalborg 39/36 169
Dalen 41/5 231
Dalen u. Jukam 49
Dalen, sjå Fremredalen 37/5
Dalheim 39/128 186
Dehus, sjå Bjørnstad 48/39
Dehusplassen, sjå Dehus
Det gamle skulehuset, Leirskogen 248
Diakonissehuset 39/28 156
Dokke, sjå Køldokke 48/7
Dokkebakkatn 48/9 406
Dokkebakkatn, øvre 48/18 408
Dølve 344
Dølve 48/1 357
Dølve 48/2 363
Dølve bruk I 354
Dølve skule 417
Dølve, krinsen 342
Dølve, nedre, sjå Dølve, nørdre
Dølve, nørdre 377
Dølve, øvre, sjå Dølve bruk I
Dølven, sjå Dølve

Dølvesbergatn 388
Dølvesbergatn, nedre 48/20 386
Dølvesbergatn, øvre 48/3 388
Dølvesbrenne 371
Dølvesbrenne, nørdre 48/15 375
Dølvesbrenne, øvre 48/14 373
Dølvesbrøtin 48/19 364
Dølvesbygde 342
Dølveseige 418
Dølvesenge, sjå Dølvesetre, søre
Dølvesetre, nørdre 48/10 409
Dølvesetre, søre 48/11 382
Dølveskamben, nedre 48/6 400
Dølveskamben, øvre 48/5 379
Dølvesmarke 48/4 367
Dølvesskaret 48/27 395
Dønhaug 37/14 92
Dønhaug, nedre 37/50 97

Eid 711
Eid, nørdre 57/8 722
Eid, søre 57/6, 7 720
Eid, ukjend bustad 725
Eidsbakkatn u. Eid 723
Eidsbrøtin u. Eid 724
Eidseige 724
Eidsmoen, sjå Eid, søre 57/6, 7
Eivindsplassen u. Ølmhus 558
Eivindsplassen, sjå Joplassen 47/3
Ellendshaugen 37/2 81
Elvelund 37/37, 45 106
Elvestad, på Klukkarmoe 155
Enge 56/5 699
Enge u. Jukam 52
Espeliøydgarden 242, 244, 260, 267

Fagerlund 37/49 94
Fagerstrand 37/41 85
Finhert, sjå Finnhert
Finnhert 39/24 197
Fjellborg 36/54 59
Fjelleng 44/14 291
Fjellvang 50/49 454
Flatmo 56/20 707
Flatmo, sjå Flatmoen 50/33
Flatmoen 50/33 448
Flatåker 39/7 164
«Flom av Langedragseie» 519
«Flom av Lundene» 519
Flugubrøtin, sjå Plassen 38/8
Fosheim 54/31 647
Fosshaug 39/67 148
Framnes 39/21 156
Fredheim 56/12 707
Fredheim, på Bagnsmoe 204
Fredly 37/98 96
Fremredalen 37/5 91
Furuly 47/17 330
Furuly 56/13 707
Fønhus, sjå Fønnhus
Fønnhus 690
Fønnhus, nørdre 56/2 701
Fønnhus, nørdre bruk A 704
Fønnhus, nørdre bruk B 704
Fønnhus, søre 56/1 695
Fønnhuseige 710
Føss av Koparvike 500
Føsselykkja 40/7 224
Føsvang 50/28 452

Gastgjevarhaugen 37/8 99
Gimle 37/25 111
Gladhaug 54/1 644
Gladhauglie 54/14 647
Gofabrøtin, sjå Bergseng 44/19
Granberg 39/144 192
Granbo 50/55 446
Granbu 42/10 248
Granli 46/12 310
Granlund 36/52 45
Granlund 39/134 175
Granum 39/45 174
Granum 51/8 516
Granum, sjå Langedrag
Granvang, på Skulejorde 123
Grimsgard 69
Grolie u. Kyrkjebjørgo 28
Grosvee med Lindokke 52/1 532
Grønmo 55/10 681
Gråndalen 39/31 158
Gubberud 88
Gubberud, nørdre 37/7 90
Gubberud, søre 37/6 88
Gukku u. Tronhussetren 633
Gullberg 56/9 708
Gullhaug 37/47 108

Gunhildbrøtin u. Hølersetren 578
Hafton 258
Hafton 43/1 263
Hafton, ukjend bustad 267
Haftonsbrøtin u. Hafton 265
Haftonseige 266
Hagin 42/7 257
Hagin, sjå Ølmhushagin 53/18, 21
Halle 44/9 277
Hansebrøtahaugen u. Tronhus 615
Hansebrøtin 54/7 611
Haraldsplassen, sjå Bjødnhusplassen, midtre
Hasselbakken 37/95 96
Haugen 40/2 220
Haugen u. Kyrkjebjørgo 27
Haugen, sjå Gastgjevarhaugen 37/8
Haugen, sjå Hølerseterhaugen
Haugli (Løvstad 48/38 og Skoglund 48/43) 398
Hauglund u. Tronhussetren, øvre 630
Haugtun 43/4 272
Haugtun 37/56 108
Haugtun 44/40 293
Heggerud u. Mikjelsøydgarde 247
Heiebrøtin 56/6 700
Heimen u. Tronhussetren 628
Heimsyn 39/129 186
Heimsyn 47/30 339
Heimtun, frå Fønnhus, nørdre 707
Helenastugu u. Øyhus 454
Helland, sjå Hellandshølen, søre 54/13
Hellandshølen 617
Hellandshølen bruk A 619
Hellandshølen bruk B 619
Hellandshølen bruk I 618
Hellandshølen bruk II 618
Hellandshølen, nørdre 54/12 620
Hellandshølen, søre 54/13 621
Hengja, sjå Hundehengja 36/2
Hesjadalen 55/8 681
Hestehagen 52/20 534
Huldrabakkin 726
Humleberg 35/3 21
Hundehengja 36/2 40
Høgøydgarden, sjå Hafton
Hølabrøtin, mogleg plass u. Tronhus 586
Hølen, sjå Hellandshølen
Hølera Bedehus 54/26 647
Hølera skule 54/28 647
Hølera, krinsen 432
Hølerseterbrøtin 53/7 574
Hølersetereige 580
Hølersetergrende 538
Hølerseterhaugen u. Hølersetren 579
Hølersetre 53/2 566
Hølt 54/33 599
Hølvegen 36/21 59
Høvda u. Åse 686
Høystad 44/20, 22 290
Håvårdsmyre 41/7 240
Håvårdsonplassen u. Skaro 326
Håvårdsonplassen, nørdre 328
Håvårdsonplassen, søre 327

Islandsmoen 48/12 411
Ivarsbrøtin 55/4 674

Jamsis u. Tronhus 602
Jermusplassen, sjå Plassen 38/8
Joplassen 47/3 336
Jordet, nørdre, sjå Bagnsjordet, nørdre 39/12
Jordet, sjå Brakajordet 44/8
Jordet, søre, sjå Bagnsjordet, søre 39/13
Jukam 31
Jukam, midtre 36/4 46
Jukam, nedre 36/5 52
Jukam, ukjend bustad 67
Jukan, øvre 35
Jukam, øvre 36/1 36
Jukamsbakkatn u. Jukam 63
Jukamsbakkin, sjå Jukamsbakkatn
Jukamseige 65
Jukamsgrende 9
Jukamskleive 36/15 57
Jukamslie u. Jukam 65
Julsbakkatn, sjå Bakkatn u. Jukam
Juve 48/29 369
Jøssheim 50/36 452

Kambabygde 342
Kambaplassen, sjå Haugli (Løvstad 48/38 og Skoglund 48/43)
Kambaplassen, sjå Bjødnsplassen, midtre
Kamben, sjå Dølve, nørdre

Kamben, øvre, sjå Dølveskamben, øvre
Kirkeby, på Klukkarmoe 155
Klauvstad 54/2 637
Klauvstad 633
Klauvstad bruk I 634
Klauvstad bruk II 643
Klauvstad og Tordebrøtin 636
Kleivabrøtin u. Jukam 63
Kleive, sjå Jukamskleive 36/15
Klovutn, sjå Bergli 36/8
Klubbeberget u. Tronhus 600
Klukkarmoen 39/4 153
Klukkarmoen bustadfelt 154
Klypa u. Øyhus 457
Kløvstad, sjå Klauvstad
Knatten u. Dølve 362
Knutsonbergatn, sjå Bergatn, nedre
Knutsonbergatn, sjå Sørei 48/26
Kolbu, sjå Kølbu
Komperud 40/5 219
Koparvike 491
Koparvike, midtre 50/5 498
Koparvike, nedre 50/4 497
Koparvike, søre, sjå Koparvike, nedre 50/4
Koparvike, ukjend bustad 501
Koparvike, øvre 50/1 494
Koparvikbrenne 50/2 496
Koparvikeige 501
Kringsjå 39/41 185
Kristaferslykkja, sjå Bagnslykkja 39/9
Kristensetre, sjå Dølvesetre, nørdre 48/10
Kroken, sjå Granum 39/45
Kræmarlykkja 205
Kræmarmoen 109
Kveberg 50/47 453
Kvilingstad 51/20 517
Kyrkjebjørgeige 29
Kyrkjebjørglie, sjå Grolie
Kyrkjebjørgmoen 35/7 25
Kyrkjebjørgmyre 35/5 23
Kyrkjebjørgo 11
Kyrkjebjørgo bruk A 15
Kyrkjebjørgo bruk B 15
Kyrkjebjørgo bruk I 13
Kyrkjebjørgo bruk II 13
Kyrkjebjørgo, krinsen 9
Kyrkjebjørgo, ukjend bustad 30
Kølbu 46/4 310
Kølbu, nedre 46/10 313
Køldokke 48/7 402
Køll u. Dølve 396
Kølplassen u. Øyhus 464

Langbrøtin av Tronhus 608
Langedrag 502
Langedrag 51/1 508
Langedrag bruk B 511
Langedrag, nørdre, sjå Granum 51/8
Langedrag, ukjend bustad 519
Langedragsdokke, sjå Sveinedokke
Langedragseige 519
Langedragslie 511
Langedragslie, nørdre 51/4 512
Langeid 41/16 240
Langøydgarden, nørdre 41/3 234
Langøydgarden, søre 242
Langøydgarden, søre 244
Langøydgardseige, nørdre 241
Langøye 610
Larssonbrøtatn, sjå Øymoen 50/35
Lauvstad 56/11 699
Lauvtun 37/88 95
Lavrud u. Tømto 254
Leikebakke 294
Leikebakke, ukjend bustad 300
Leikebakkebøle 45/4 299
Leirskogen 208
Leitet 420
Leite, sjå Leitet
Leiteplassen 47/7 339
Leitet, nørdre 49/1 422
Leitet, søre 49/3 425
Lerskogen, sjå Leirskogen
Liabekklie 52/4 528
Liabygde 208
Liamyre 47/8 340
Liatn u. Øyhus 464
Liberg 37/36 106
Lie, sjå Grolie u. Kyrkjebjørgo
Lie, sjå Jukamslie
Lie, søre, sjå Liabekklie 52/4
Lindelie 38/6 132
Lindokke u. Steinsetren 534
Lisbetlie, sjå Bagnslie
London u. Sørbøen 161

Lundatn 466
Lundatn, nørdre 50/11 468
Lundatn, søre 50/8 480
Lundatn, ukjend bustad 489
Lundatn, øvre 50/10 485
Lundberg 50/9 482
Lundby 54/15 640
Lundebygde 342, 436, 457, 466, 467, 473, 475, 476, 477
Lundebøle, sjå Nilsebøle 50/13
Lundehalle u. Lundo 488
Lundelie 50/12 476
Lundelisetre 726
Lundhaug 37/85 95
Lundmoen 50/22 446
Lundoeige 488
Lussiplassen, sjå nørdre Langedragslie 51/4
Lykkja u. Gastgjevarhauge 106
Lykkja, sjå Bagnslykkja 39/9
Lykkja, sjå Storsvelykkja
Lykkja, søre u. Bagnsøydgarde 194
Lønnum 49/5 429
Lønnum u. Langøydgarde 241
Lønnum, sjå Kringsjå 39/41
Løvstad 39/133 161
Løvstad 48/38 394
Løvstad 48/38 398

Marke, sjå Dølvesmarke 48/4
Massingmoen u. Ølmhus 563
Matbrøtin 39/29 196
Mattisbergatn, sjå Dølvesbergatn, øvre 48/3
Maurstad 50/41 453
Midtlie 51/12 518
Midtlie, sjå Langedragslie
Midtskogen u. Storøydgarde, nedre 224
Mikjelsøydgarden 42/1 245
Milevasslie 41/4 229
Milevatnet 38/4 124
Mjølnarsvee u. Ølmhus 562
Moathun, frå Hesjadale 686
Moen 55/7 679
Moen u. Fønnhus 704
Moen, sjå Bagnsmoen
Moen, sjå Kyrkjebjørgmoen 35/7
Moen, sjå Massingmoen u. Ølmhus
Mohaugen, sjå Haugen u. Kyrkjebjørgo
Monselie, sjå Liabekklie 52/4
Mostugu, sjå Åmot 54/9
Myre, sjå Kyrkjebjørgmyre 35/5
Myrestugu, sjå Kyrkjebjørgmyre 35/5
Myrvang 44/23 292
Myrvang 48/46 376
Møitun, på Klukkarmoe 155

«Nebraska», sjå Solbu 37/34, 38
Nerøydgarden, nørdre 40/1 216
Nerøydgarden, søre 40/4 217
Nilsebøle 50/13 473
Nissebakkin 54/29 643
Nyberg 39/38 184
Nybrøtin 44/16 292
Nybrøtin 55/2 671
Nybrøtin, øvre 44/24 293
Nygård 39/30 158
Nygård 39/89 204
Nylund, av Klauvstad 637
Nymoen 50/25 451
Nymoen, sjå Moen 55/7
Nystad 53/11, 24, 27 551
Nytun 53/34 563
Nyvegen 38/9 131
Nørstebøen 39/68, 69 160

Ogmundsgard 69
Olmhus, sjå Ølmhus
Olsonplassen, sjå Søreng 50/30
Oppheim 53/33 556
Otangard 69

Piggmoen u. Fønnhus 709
Plassen 38/8 133
Plassen, sjå Håvårdsonplassen u. Skaro
Plassen, sjå Vilhelmsbrøtin 40/3
Prestegardshagin bustadfelt 123
Rabben u. Bagnsøydgarde 194
Renna u. Gastgjevarhauge 112
Rennutn u. søre Bagnsjorde 148
Rompopp, sjå Ivarsbrøtin 55/4
Rosenlund 36/7 42
Rostad 41/15 232
Rosvik 36/53 59
Rud u. søre Bagnsjorde 148
Rundbrøtin u. Steinseteren 535

Rushaug u. Gastgjevarhauge 115
Rødningen u. Tømto 253

Sagstugu 39/26 174
Sandbekk, på Klukkarmoe 156
Sandbu 37/30 111
Sandtun, på Klukkarmoe 155
Sandvike 51/6 514
Sandvold 57/18 720
Seterbrenne, sjå Heimen u. Tronhussetren
Seterbrøtin u. Åse 687
Seterbygde 432, 584, 585, 586
Setre, nedre 42/3, 5 255
Setre, sjå Dølvesetre
Setre, øvre 42/4 256
Setre, øvre, sjå Tronhussetre, øvre 54/5
«Settlementet», sjå Bangsåsen 39/44
Skarabrøtin u. Skaro 330
Skarabygde 208
Skaran, sjå Skaratn
Skaran, sjå Skaratn, øvre 47/10
Skarasetereige 341
Skarasetre 47/2 332
Skaratn 314
Skaratn 47/1 317
Skaratn, ukjend bustad 341
Skaratn, øvre 314, 316, 317, 332
Skaratn, øvre 47/10 329
Skaratn, øvre, sjå Skarasetre 47/2
Skaret, sjå Dølvesskaret 48/27
Skaro, sjå Skaratn 47/1
Skaroeige 331
Skinnarbrøtin u. Jukam 64
Skjerstein 301
Skjerstein bruk I 304
Skjerstein bruk II 304
Skjerstein, nedre 46/5 307
Skjerstein, øvre 46/1 305
Skjersteinbygde 208
Skjersteineige 313
Skjærstein, sjå Skjerstein
Skogbo 46/16 312
Skogheim 41/11 240
Skoglund 39/64 192
Skoglund 46/7 310
Skoglund 48/43 398
Skogly 50/56 446
Skogly 53/56 554
Skogly 56/18 707
Skogstad u. Steinsetren 530
Skogtun 37/43 108
Skogtun 44/33 287
Skogtun 517
«Skolland» u. Erstad 352
Skomakarbrøtin, sjå Bagnsbergatn 37/1
Skovly, sjå Diakonissehuset 39/28
Skreddarbrøtin u. Tronhussetren 628
Skulejordet bustadfelt 122
Skørre 48/8 405
Skår, sjå Åsen
Slettholt 56/19 707
Slettmo 50/42, 43 453
Smeby 39/91 203
Smedlund 50/24 450
Smedmoen 50/23 448
Snippen, på Klukkarmoe 155
Snuggen 50/17 463
Solbakken 36/17 59
Solbakken 41/12 230
Solbakken 46/21 312
Solberg 40/10 219
Solberg 54/38 637
Solbu 36/25 57
Solbu 37/34, 38 84
Soleng, sjå Enge 56/5
Solhall, i Prestegardshaga 124
Solhaug 40/11 223
Solhaug, 54/23, 24 627
Solhaug, frå Gastgjevarhauge 107
Solheim 50/58 454
Solheim 54/18 646
Solheim, i Prestegardshaga 124
Solnes 37/46 106
Solrud 37/29 84
Solstad 37/31, 33 84
Solstad 44/34 289
Solstad, på Klukkarmoe 155
Solstad, på Skulejorde 122
Solstrand, på Klukkarmoe 155
Soltun 39/62 166
Spangrud u. Ellendshauge 93
Spangrud-feltet, bustadfelt 95
Stanfinnmarke 254, 258, 267
Stanfinnmarke, sjå Setre, nedre 42/3, 5
Stanfinnmarke, sjå Setre, øvre 42/4
Stanfinnmarke, ukjend bustad 272

Steinbrøtin 53/6 576
Steinkjær 37/58 106
Steinsetereige 536
Steinseterlie, sjå Liabekklie 52/4
Steinsetre 52/2 525
Steinsetre 520, 523
Steinsvoll 37/53, 54 85
Steinure, sjå Ure
Stensvoll 52/11 528
Storberget, sjå Klubbeberget u. Tronhus
Stormyrbrøtin u. Skaro 331
Storsvee 54/11 602
Storsvelykkja u. Storsveen 609
Storøydgarden 211
Storøydgarden, nedre bruk I 214
Storøydgarden, nedre, gnr. 40 213
Storøydgarden, ukjend bustad 234
Storøydgarden, øvre, gnr. 41 225
Storøydgardseige 233
Storøydgardseige, nedre 224
Storøydgardseige, øvre 232
Stryken u. Ellendshauge 98
Strykjelykkja u. søre Jorde 149
Svarstad 48/57 394
Svee u. Gastgjeverhauge 114
Svee, sjå Storsvee 54/11
Sveinedokke u. Langedrag 517
Sveinsbrøtin, sjå Åsheim 55/6
Sveitn 43/2 268
Sveriplassen 50/32 454
Sæbuøydgarden 242
Sæteren, nedre, sjå Tronhussetre, nedre 54/6
Sæteren, øvre, sjå Trondhussetre, øvre 54/5
Sør-Aurdal prestegad 120
Sørbu 53/32 563
Sørbøen 39/1 149
Sørbøenseige 162
Sørei 48/26 393
Søreng 48/44 394
Søreng 50/30 487
Sørli 49/4 428

Tamburgarden 39/5 137
Teinevassetre, nedre 726
Teinevassetre, øvre 726
Tolebråten, sjå Tordebrøtin 54/4
Tollerud 23
Tordebrøtahagin 54/3 641
Tordebrøtin 54/4 638
Trettebrøtin u. Eid, sjå Eid, nørdre 57/8
Tronhus 54/8 593
Tronhus 54/8b 594
Tronhus 582
Tronhus, nørdre 616
Tronhus, ukjend bustad 650
Tronhus, øvre, sjå Åsen
Tronhuseige 648
Tronhusseterbrøtin, nedre 629
Tronhusseterbrøtin, øvre 626
Tronhussetereige 650
Tronhussetre, nedre 56/6 630
Tronhussetre, øvre 54/5 623
Tronhusåsen, sjå Åsen
Tronsplassen 50/26 478
Tronvang, i Prestegardshaga 123
Tøgbanin, på Tonsåse 109
Tømtitn 248
Tømtitn, nedre 42/8 251
Tømtitn, øvre 42/2 249
Tørstad 54/16 598
Tåmåsbrøtin 52/3, 12 531
Tåmåsbrøtin u. Tømto 253

Ule, sjå Ure
Uleheim, i Prestegardshaga 124
Ulestad, på Skulejorde 122
Ure, u. Bagnsjorde 177

Vabrøtin 39/49 189
Vangen, nedre 726
Vangen, øvre 726
«Vassington», på Bagnsmoe 204
Veslesvee u. Tronhus 608
Vidsyn 39/143 152
Vilhelmsbrøtin 40/3 221
Villa Furuhøyden 56/21 708
Vonheim 50/39 453
Vøllen u. Hafton 266

Ølmhus 537
Ølmhuseige 565
Ølmhushagin 53/18, 21 552
Ølmhusmoen, sjå Massingmoen u. Ølmhus
Ølmhusplassen, u. Ølmhus 555

Ølmhusplassen, nedre, sjå Eivindsplassen
Ølmhusplassen, øvre, sjå Oppheim 53/33
Ølmhussvee, sjå Mjølnarsvee u. Ølmhus
Øspelie, sjå nørdre Langedragslie 51/4
«Øste», Leirskogen 210
Øvregarden 41/1 225
Øvregardsbrøtin, sjå Dalen 41/5
Øyhus 436
Øyhus bruk I 439
Øyhus bruk II 440
Øyhus, nørdre 50/14 442
Øyhus, søre 50/15 457
Øyhus, ukjend bustad 466
Øyhusbrøtatn, sjå Øymoen 50/35
Øyhuseige 465
«Øyhuslien», sjå Liatn u. Øyhus
Øylo 50/31 454
Øylund 50/9 482
Øymoen 50/35 452
Øymoen 54/19 646
Øystre Bagn skule 203
Øystre Bagn 69

Åmot 54/9 598
Åsebygde 432
Åsen 652
Åsen, ukjend bustad 689
Åseneige 688
Åsenmoen, sjå Moen 55/7
Åsheim, 39/57 153
Åsheim 5/6 676

Personar og institusjonar

Personane omfattar: 1. Innflyttarar og inngifte i Sør-Aurdal fødde fram til ca. 1900. 2. Utanbygds jordeigarar. 3. Andre som på ulike måtar har hatt innverknad på tilhøve i Sør-Aurdal. Søraurdøler som er omtala på vanleg måte i teksten, er ikkje medtekne under punkt 3.

Personar med familienamn, bustadnamn eller bustadnamn ved fødsel, er registrerte under desse. Personar som er namngjevne med førenamn, og personar med førenamn og farsnamn utan familie- eller bustadnamn, er registrerte under førenamnet.

Agnete Persdotter, Bruflat 26, 161
Akershus fengsel og festning 327, 631
Alsing, Rasmus, kjøpmann 705
Alsmo, Ola, Luster 84
Anders, soldat frå Kristiania 612
Andreas Hansson, Nordsinni 562
Andreas Monsson, mjølnar 58, 97
Anker, Peder, kammerherre 301, 305, 333, 337, 356, 378, 523, 524, 655, 666, 717
Anmarkrud, Roland Pålson 541
Anne Olsdotter, Bruflat 282
Anne Sørensdotter 316, 505
Arne Erikson, Vestre Slidre 408
Arne Hansson, Torpa 724
Asker stiftsseminar 169
Askvik, Ole Johannesson, Søndre Land 680

Baggerud, Ingeborg 204
Baggerud, Sjugurd Arneson 221
Bagn Bygdesamling 121, 342, 371, 385, 414, 417, 453, 576
Bagn kraftverk 43, 50 98, 627
Bagn kyrkje 261
Bakkatn, Andreas Trondson, Nord-Aurdal 280, 292, 340, 646
Bakke, Tollef, kjøpmann i Drammen 528
Bakos, Constanze, Os i Østerdalen 131
Barth, Maren Marie 120
Barth, Thomas Fredrik, Kristiania, prost 120, 401
Beate Cecilie Johansdotter, Søndre Land 680
Beate Olsdotter, Nordre Land 288
Belgum, Ingebjørg Eriksdotter 687
Berg, Ellen Pauline, Børsa i Sør-Trøndelag 127, 248
Berg, Embrek, Etnedal 88
Berg, Inger Eriksdotter 14, 23
Berg, Mikjel Embrekson, Etnedal 88
Berg, Mikjel Hallvorson, Svenes 235, 236
Berge, Erik Narveson, Skrautvål 350
Berge, Lodin Narveson, Skrautvål 350
Berge, Narve på, Skrautvål 350
Berge, Torstein Narveson, Skrautvål 350
Berger, Sigurd 271
Bergesige, Oline Marie Hansdotter, Land 330, 518
Berte Dagfinnsdotter, Biri 159, 160
Bjerke, Andreas Olson, Land 720
Bjørgo, Erik Erikson 21
Bjørgo, Jul Gunnarson 36
Bjørgo, Marit Eriksdotter 119, 378
Bjørgo, Marit Halldorsdotter 81
Bjørgo, Sigrid Julsdotter 87
Bjørgoeige, Hallsten Toreson 519
Bjørgoeige, Maren Sofie Johannesdotter (Johansdotter) 113
Bjørgoeige, Ole Tollefson 680, 685, 688
Bjørnøydgarden, Anne Eriksdotter 112
Blakstvedt, Andreas, Ådalen 364
Blakstveit, Maria Olsdotter, Viker i Ådalen 473
Bondli, Inger Marie Nilsdotter, Land 667
Brandt, dyrlækjar 154
Brandt, Maria Olsdotter, Vestre Slidre 56
Bratsveen, Anne Torine Kristoffersdotter, Nordre Land 219
Breidablikk Sanatorium 70, 76, 92, 110, 166, 186, 187, 191, 209, 272
Breie, Maria Sjugurdsdotter 319
Breie, Siri Olsdotter 101
Brockenhus, Jørgen Otto, oberstløytnant 316, 317, 506, 522, 661, 694
Brockenhus, Ove, oberstløytnant 316, 505, 522, 661, 694, 714

Brone, Håvård Person, Land 514
Bruflat kyrkje 261, 318
Bruflat, Kari Aslaksdotter 55
Bruflat, Kari Olsdotter 54
Bruflat, Knut Gudbrandson 651
Brustugu, Ragnhild Antonsdotter, Etnedal 51
Brusvee, Arne Gudbrandson, Bruflat 407
Brusvee, Ola Amundson, Etnedal 700
Brænd, Olaf 309
«Brøtaguten», spelemann, sjå Ola Knutson
Bråten, Dorthea, Aurdal 84
Bråten, Einar Olson, Etnedal 335
Bråten, Kirsti, Nes i Ådalen 404
Bråten, Martin Arneson, Nordsinni 292
Braaten, Mathias Arneson, Nordre Land 553
Bråtene, Gjertrud Arnesdotter, Bjørgo 25
Byfellie, Embrek Olson 99
Byfellie, Inger Andersdotter 172
Byfellie, Marit Olsdotter 233
Byfellie, Ola Erikson 80
Byfellie, Gjartrud Eriksdotter 222
Bø, Margrethe Andersdotter, Vang i Valdres 195
Bølia, Pernille Toresdotter, Lesja 97
Bøven Handel og Turistheim 527
Bøye, prest 413

Cappelen, Caspar von, kjøpmann, Bragernes 305
Cappelen, Johan von, fut 295, 316, 505
Carl Johan, konge 54
Christensen, Christen, Drammen, handelsmann og hotelleigar 110, 139, 156, 186
Christensen, Christiane Sofie 139
Collett & Leuch, Kristiania 442

Dahl, Betsy Kristine, Vadsø 153
Dal, Rangdi Nilsdotter 378
Dal, Tøren Olsdotter 15
Darell, Gustav Adolf, Hov i Land 678
Den store nordiske krig 440
Det opplandske regiment 316, 661, 694
Diakonisseanstalten, Kristinia 156
Diserud, Håvård 210
Djupedal u. Garli, Gunnar Olson 44
Drammensdistriktets Tømmermåling 19
Drogset, Tåle Ansteinson, Vang på Hedemarken, kræmar, 109
Dølaplassen, Ole Gustavson, Åbjør 158
Dølve, Arne Bjørnson, Hallingdal 350 ff

Eid, Hans A., Søndre Land 278, 292
Eikli, Knut Endreson 570
Eikli, Nils Jakobson, Gol 99
Eirik Audunson 350
Elton, Lovise, Nordre Land 328, 340
Engen, Andreas Bjørnson, Gran 367
Engen, Ingvald, Torpa 642
Enger, Elling, dyrlækjar 111, 154
Engerodden, Ingebjørg Sjugurdsdotter 18
Erik Sevatson, Ål i Hallingdal 429
Eriksen, Jens, Eidsvoll, lærar 203
Esbjuk, Gudbrand Olson, Land 243, 273
Espelie, nedre, Svein Knutson 275
Espelie, Sjugurd Håvårdson 318
Espeset, Åse Gudbrandsdotter 238
Espeseth, Inger Eriksdotter 389
Evensen, Hans, Helgeøya 204
Evensen, Jørgine Olausdotter, Land 204
Evjen, Hallgrim, Ål, dokter 107, 108, 152, 187

Fagernes Rørleggerforretning 271
Finnstugu, Brynhild Knutsdotter 283
Fjeld, Anne Karine Trondsdotter, Etnedal 251
Fjell, Gudbrand Person, Etnedal 333
Fjell, Kari Knutsdotter 508
Fjell, Ola Arneson 334
Fjellheim hotell 113, 165
Flatøydgardseige, Anne Olsdotter 219
Flågum, Gudbrand Eivindson 99, 100
Fossen, Kristian Jørgenson, Vestringsbygde 25
Fougner, Cristiane Sofie 139, 140
Fredrik Halldorson 280
Fredrikṣen, Gustav Adolf, Hov i Land 678
Frydenlundeige, Andreas Trondson 646
Frøshaug, Martin, Hole, Ringerike 411
«Frøyslandskjerringa», Torpa 666
Frøysåk, Ingebjørg Bjørnsdotter, Gol 99
Fuglei, Sjugurd Toreson 15, 24
Fystro, Kari, Vestre Slidre 496

Føss(e)brøtin, Ola Andersson, Aurdal 476

Gabel, Frederik von, visestatthaldar 663
Gardereige, Per Nilsson, Toten 455
Garli, Jens Olson 275
Garli, plass under, Kari Olsdotter 44
Gjartrud Eriksdotter, Nord-Aurdal 324
Gjartrud Nilsdotter 99
Gottenborg, Gunhild Sjugurdsdotter 58
Gottenborg, Karen Mathea Antonsdotter 256, 257, 291
Gottenborg, Tonetta Syversdotter 230
Grandalen, Per Knutson, Nord-Aurdal 305
Granum, Eline Halsteinsdotter, Etnedal 288
Granum, Guri Olsdotter, Bruflat 217
Granum, Hallstein Gudbrandson, Etnedal 290
Granum, Ragnhild Tollefsdotter Etnedal 299
Gravli, Guri Olsdotter 698
Gravli, Lars O. 528
Gravli, Nils Olson, Nes i Ådalen 460
Gravlie, Wegger W. 154
Grundsetmarken 235
Grüner, stadshauptmann 528
Gudbrand Olson 288
Gudbrand Olson, Bruflat 512
Gunhild Pedersdotter 97
Gunhild Persdotter 58
Guri Maria Madsdotter 263
Gyldenløve, Ulrik Frederik, statthaldar 295, 540

Hadelandsmuséet 414
Haganes, Syver Helgeson 23
Halset, Gunhild Mathea Johansdotter, Nordre Land 337
Hanastad, Lise Kristensdotter?, Land 280
Hanastad, Lise Martinsdotter?, Land 280
Hans Person, Land 311
Hans Sjugurdson, Land 282
Hansen, Edvard, baneformann 310
Haug, Eli Henriksdotter, Vardal 100
Haug, Live Knutsdotter 311
Haug, Mons Akselson 234, 519
Haug, Simen, Etnedal 261
Hauge, Hans Nielsen 16
Hauger, Ola Mikjelson 617
Haugsengen, Ole S. Etnedal 89
Helena Eliasdotter 205
Helene Marie Olsdotter, Hoff, Østre Toten 370
Helge Hvatson, prest på Åbol 350
Helle, Borghild, Øystre Slidre 290
Henriksen, Kristian, Jevnaker 109
Hestkinn, Anders Olson 263, 268
Hestkinn, Ingrid Olsdotter 269, 270
Hestkinn, Kari Olsdotter 86
Hestkinn, Kristine Nilsdotter 54
Hestkinn, Mathea Olsdotter, Etnedal 607
Hestkinn, Ola Knutson 179
Hetland, Jens, kabaretsongar 430
Heyerdahl, H.T., prest 92
Hieim, Ingrid Eivindsdotter 157
Hjelle, Erik E. 397
Hjelle, Gudbrand Erikson, Aurdal 303
Hoel, Halvor 54
Hoel, Kari Håkensdotter 278
Hofgård, Andreas Jensen, Bragernes 715
Hofgård, Jens, Bragernes 575
Hofgård, Kirsten, Bragernes 575, 715, 716
Hoftun, Knut Endreson 570
Hoftun, Marit Olsdotter, Gol 544
Hogne, Sjugurd Erikson, Land 303
Holden, Ragna Mathiasdotter, Nord-Aurdal 673
Holte, Gunhild Maria Torgrimsdotter, Viker 400
Holte, Hans Andersson, Ådalen 460, 573
Holte, Kjersti Gudbrandsdotter, Viker 697
Horne, Frida, Romedal 698
Hovda, Jenny Karoline Edvardsdotter, Etnedal 42
Hovdet, Bergit Johannesdotter 42
Hovi, redaktør 430
Hugulia, Helene Haraldsdotter, Torpa 228 548
Hugulia, Siri Olsdotter, Torpa 547
Huken u. Maslangrud, Gudbrand Hallsteinson 289
Hveem, Johan, Østre Toten, prost 111
Hvoslef, Jeanette Marie, Kristiania 110
Høeg, visestatthaldar 352
Høistad, Peter Andreas Andersen, Gudbrandsdal 290

Høvdaeige, Åse Pedersdotter, Bruflat 176
Høverstad, Torstein 416
Høyer, Maren Marie 120
Håde, Ingrid Jensdotter 22
Håvålsrud, Knut Johanson, Land 79

Inger Hansdotter 311
Ingrid Knutsdotter 24
Ingvar Erikson, Vestre Slidre 408
Ivar Hansson, Ådalen 552, 580
Iver Knutson, Nord-Aurdal 63
Iversen, Andreas, Aremark 177

Jarlsberg, Wedel, greve 655, 666
Jens Torgerson 79
Johannesen, Anna Mathea Nathalie, Son 633
Jukrud, Andreas Abrahamson, Ådalen 44
Juveseige, Arne Hansson, Nord-Aurdal 651
Jølem, Ragnhild Olsdotter, Hallingdal 157
Jørstad, Ola, Slidre 162

Kaas, Anna Katarina Hansdotter 601
Kaas, kaptein 136
Karen Dagfinnsdotter 200, 233, 280
Karen Syversdotter 44
Kari Andersdotter, Lærdal 199
Karine Karlsdotter, Østre Toten 562
Karlsen, Betsy Kaspara, Oslo 290
Katrine Hansdotter, Land 221
Katrine Kristiansdotter, Nordre Land 451
Kaurin, prest 643
Kinnseige, Olava Hansdotter, Nordre Land 562
Kirkebakken, Kristian Olson, Etnedal 340
Kjensjordet, Hans Hansson, Biri 159, 160
Kjersti Andersdotter 99, 100
Kjersti Sindresdotter 353
Kjær, Nils, kjøpmann, Drammen 705
Kleivgard, Embrek Olson 99
Kleivgard, Marit Olsdotter 618
Kleven, Mathias Andersson, Kolbu 58
Klevgård, Ragnhild 218
Klevgårdsveene, Gunhild Andrea Arnesdotter 174
Kloppbakken, Johan, Nordsinni 115
Klosbøle, Anne Olsdotter 319
Klosbøle, Iver Olson 19
Klosbøle, Kari Arnesdotter 22
Klosbøle, Ole Olson 19
Klosbøle, Per Olson 47
Klosbøle, Tøren Olsdotter 82
Klosbøleige, Ivar Halvorson 24
Klosbøleige, Tore Knutson 24
Klukkargarden, Margrethe Andersdotter, Vang 195
Knudsen, Knud, fotograf 187
Kobbeltvedt, Brita Oline Rasmusdotter, Sotra 392
Kolsrud, Tideman Nilsson, Aurdal 127
Kolterud, Anne Kristafersdotter, land 237
Kolterud, Anne Larsdotter, Land 241
Kolterud, Beret Endresdotter, Land 52
Kolterud, Endre Olson, Land 34, 35, 52
Kolterud, Hans Kristaferson, Land 53
Kolterud, Helga Endresdotter, Land 52
Kolterud, Kristafer Hansson, Land 52
Kolterud, Lars Larsson, Land 237, 507
Kongsberg sylvverk 617, 618, 631
Konow, prest 41
Kringle, Beret Andersdotter 306
Kristen Kristianson, kræmar 205
Kristian Kristianson 473, 494
Kristiania katedralskole 531
Kristiania lagdømme 343, 346
Kristiania Sparebank 263
Kristianiamarknaden 21
Kristianslund, Andreas Olson 87
Kristianslund, Astrid Olsdotter 87
Kristianslund, Ola Olson 222, 227, 704
Kristina Kristoffersdotter 205
Kristine Olofsdotter, Sverige 647
Krohn, vegmeister 705
Krüger Bakke, Ågot Sofie Pedersdotter 555
Kulterstad, Arne Embrekson 353
Kulterstad, Maria Andersdotter 15
Kvale, Maria Kristiansdotter, Land 22
Kvåle, nedre, Ola Knutson 117

Lagtinget 346, 378, 441, 468, 543, 589, 665
Lande, Marie, Rosendal i Hardanger 447
Landmark, Jens Hallbjørnson 30
Landmark, Nils Nilsson 35
Landmark, Tåmås Gudbrandson 254

Landmarkseige, Gjartrud Nilsdotter 26
Landmarkseige, Ingrid Jensdotter 206
Landmarkseige, Ragnhild Jakobsdotter 23
Langballe, dyrlækjar 154
Langedal, Gjartrud Eriksdotter 181
Langevassbekkens Elektrisitetsverk 435
Lars Henrikson, Aurdal 466
Lars Larsson, Sverige 476, 647
Larsen, Thorvald, Nes i Ådalen 134
Laurits Lauritsen, Bragernes 295, 316, 353, 505, 522, 540, 661, 694, 714
Leirskogen kapell 321, 322
Lemmich, Søren Hansen, postmeister, Bragernes 260, 267, 714
Li, Kristoffer, Ringerike 613, 705
Li, Olaug Tølleivsdotter, Hallingdal 215
Lie u. Lunde, Ola Sjugurdson, Etnedal 311
Lie u. Lunde, Sjugurd Olson, Etnedal 311
Lie, Gunhild Knutsdotter, Nord-Aurdal 41
Live Jeremiasdotter, Svenes? 86
Lo, Astrid Knutsdotter 400
Lo?, Dorthe Ellendsdotter 588
Lund, Jakob Madsen, fut 316
Lundatn, Arne Hansson, Nord-Aurdal 448
Lunde, Anders Knutson 282
Lunde, Anders Olson 263, 268
Lunde, Gudbrand Erikson 303
Lunde, Guro Ellendsdotter 262
Lunde, Hølje Nilsson 262
Lunde, Marte Andersdotter 303
Lunde, Ola Andersson 222, 227, 263, 268, 284, 305
Lundeeige, Anders Jakobson 310
Lundeeige, Anne Knutsdotter 231
Lundeeige, Ingebjørg Sjugurdsdotter 283
Lundeeige, Kjersti Sjugurdsdotter 224
Lundeeige, Knut Tølleivson 247
Lundeeige, Marit Olsdotter 225
Lundeeige, Sjugurd Timannson 225
Lundelie, Siri Mikjelsdotter, Bruflat 312
Lundesgarden, Ola 528
Lynne, Sigrid, Skedsmo 454
Låksrud, Karoline Kristiansdotter, Skrautvål 278, 292

Madsstuen, Henrik 310
Magistad, øvre, Ola, Slidre 234, 236
Mari Nilsdotter, Rødnes, Land 405
Maribo, Per, slaktar 681
Marit Eivindsdotter, Fjell, Etnedal ? 66
Markeng, Berthe Olsdotter, Biri 109
Maslangrud, Anne Haraldsdotter 297
Maslangrud, Embrek 261
Maslangrud, Ingrid Embreksdotter 215, 220, 304
Maslangrud, Knut Olson 306
Maslangrud, Lars Embrekson 143, 231
Maslangrud, Ola Ellingson 227
Maslangrud, Siri Embreksdotter 248
Maslangrudeige, Andrea Knutsdotter 27
Maslangrudeige, Anne Gudbrandsdotter 263
Meisen, Ole Tollefson, Nord-Aurdal 680
Mellem, Emil, Sør-Odal 185
Merket, Erik Olson 21
Merket, Ola Timannson 36
Mo, Peder Pederson, Vestre Slidre 113
Moen, Maria, Nes i Ådalen 152
Moen, Ole Bjørnson, Nord-Aurdal 64
Morland, Andreas, prost 13, 34, 35, 261
Morland, Anne Margrethe Andreasdotter 261
Morland, Sofia Andersdotter 118, 119
Munkelien, Nikolai, Nordsinni 312
Mølmen, Anna Olsdotter, Lesjaskog 191
Måno, Ola Andersson 365
Månum, Jørand Julsdotter, Skrautvål 270

Nergård, Borghild, Eina 49
Nerlien, Kristiania, fotograf 146
Nernst, Johan fut 543
Nesøygods 78
Nielsen, Ingvald, grosserar, Kristiania 158
Nikolai Olson, Hedemark 133
Nikolai Svendson, Kila i Värmland 474
Nils Akselson 566
Nils Jonson, Biri 128, 581
Nils Laurtisen, borgarmeister i Kristiania 78
Nilsen, lensmann 460, 463
Nilsen, Torvald 394
Norddalen, Elling, Viker i Ådalen 460
Nordhagen, Ola Olson, Nes i Hallingdal 704
Nordåk, Anne Maria Gunnarsdotter 82
Norges Jeger- og Fiskeforening 519

Norsk Husflidsforening 249
Norsk Landbruksselskap 257
Nybo, Erik Olson, Nes 65
Nybråten, Ole Olson, Nord-Aurdal 157
Nygaard, Ole Gustavson 158
Nyhus, Mattis Knutson, Land 162
Nøkleby, Astrid 310
Nørstebøenseige, Beret Haraldsdotter 241

Odden, Berte Bjørnsdotter, Nord-Aurdal 113, 161
Ola Gudbrandson 233
Ola Knutson — «Brøtaguten», spelemann 40
Ola Olson, Østre Toten 365
Olaf Kjellsson 149
Olav den heilage 208, 209
Ole Erikson, Vestre Slidre 408
Ole Gudbrandson, Nord-Aurdal 193
Oline Gudbrandsdotter, Sør-Fron 109
Olmhusfallet Kraftverk 433
Onstad, Hølje Olson 262, 268
Onstad, Jens Olson 275
Onstad, Ola Olson 262
Opheim, Oline 308
Oppheim, Østen Tøsteinson 275
Oppheim?, Tora Knutsdotter 275
Oppen, Anders, Ringerike 528, 705
«Oppen», Anders Asleson, Ringerike 443
Oppland fylkeslærerlag 170
Oscar 2., konge 364
Oslo hospital 78, 117, 118, 135
Overhoffretten 343, 441, 468, 543, 589

Pauline Knutsdotter, Nordre Land 87
Pauline Persdotter 280
Paulsen, Marie 49
Paulsen, Osvald 49
Peder Alfsen, jordeigar 78
Pernille Larsdotter, Toten 455
Pernille Mathiasdotter, Vardal 408
Pettersen, prest 414
Plassen, u. Maslangrud, Knut Timannson 27
Pontoppidan, Erik, biskop 84
Prestegarden, Aslak Olson 60
Putten, Gunhild Olsdotter 127
Pål Øysteinsson 149

Rangnes, Marie Elisabeth, Kristiansund 111
Reinli kyrkje 11, 13, 34, 261
Revling, Jakob 79
Rikshospitalet 152
Rogne, Ingeborg Olsdotter, Øystre Slidre 102
Rogne, Nils Knutson 116
Rognerud, H., Nordre Land 693, 712
Roterud, Ola Person, Biri 650
Rud, Barbro Olsdotter 167
Rud, Embrek Kristenson, Aurdal 304
Rud, Inger Marie, Nes i Hallingdal 107
Rud, Per Ellingson, Hallingdal 305
Rudstaden, Anne Larsdotter, Nordre Land 236
Rudstaden, Ingrid Eriksdotter, Nordre Land 507
Rudstaden, Lars Larsson, Nordre Land 507
Rudstaden, Mikjel Larsson, Nordre Land 507
Rundhaug, Agnete Olsdotter, Nordre Land 331
Rust, Anne Olsdotter 277
Rust, Guri Olsdotter, Etnedal 297
Ruud, Randine Amundsdotter, Nord-Odal 38
Rye, Ola Knutson 276
Røine, Knut 325
Schmit, Henrik Jakobsen, viselagmann 343, 346
Sehested, Hannibal, statthaldar 78
Seip, kaptein, Nerstrand 414
Sevatsen, Sofie Amalie Johansdotter, Aurdal 158
Sigrid Knutsdotter, Øystre Slidre 158, 328
Sigrid, gm Lodin Narveson 350
Sigurd Paulsen, restauratør, Oslo 430
Siri Mortensdotter, gm Arne Bjørnson Dølve 350
Sislebekk, Barbro Knutsdotter, Aurdal 91, 94
Sissel Pedersdotter, Hol i Hallingdal 41, 193
Sjugurd Knutson 263
Sjugurd Olson, Austsinni 64
Sjurud, Ingebjørg Olsdotter 180

Sjurud, Sjugurd Gudbrandson, Austsinni 282
Skanes, Jakob Nilsson, Ringerike 480
Skanes, Ola Bjørnson, Ringerike 634
Skattebo, A.P., Øystre Slidre, lensmann 111
Skaveldoeige, Hølje Erikson 519
Skinnerud, Gudbrand Sjugurdson, Austsinni 283
Skinnerud, Sjugurd Gudbrandson, Austsinni 282
Skinnrud, Knut Engebretson 79
Skinstad, Kristian, Nes på Hedemark, kaptein 473
Skogstad, Hanna Lovise Helgesdotter, Ådalen 101
Skogstad, Ole Gabriel, Ådalen 266
Skolmen, Helge Nilsson, Land 566
Skålerud, Gunhild Andrea Arnesdotter, Etnedal 174
Skålerud, Marte Eriksdotter 222
Skårud, Anders Olson, lensmann i Ådalen 440
Smeby, Ingeborg 204
Smeby, Ole Magnus, Torpa, handelsmann 203, 204
Smidt, Anders Larsen, handelsmann, Bragernes 226, 544
Smidt, Antonette 469, 544
Smidt, Nils Jakobsen, lagmann 302
Solbjør, Anders Julson 305
Solbjør, Anne Knutsdotter 546
Solbjør, Gyri Larsdotter 703
Solbjør, Kari Julsdotter 716
Solbjør, Knut Madsson 303, 546, 665
Soleglad, Betsy Kristine 153
Soleglad, Golla Thoresdotter 548, 549
Soleglad, Thore, lensmann 153, 156, 364, 548
Stabel, Hans Jacob, prost 54, 92, 120, 121, 124, 125, 560
Statthaldaren 77, 662
Stavanger stift 34
Steinbakken, Karoline Amundsdotter, Ådalen 291
Steinseteige, Tåmås Tøsteinson 651
Sten, Ingeborg Marie Pedersdotter, Nord-Aurdal 97
Stokke, Ingeborg og Marie Pedersdotter 97
Storebrofoss Tresliperi 85, 108, 109, 131, 174, 177, 189, 290, 395, 559, 671
Strand, Mads, Sigdal 528
Strømstad, Ola Olson 227, 704
Strømsæther, Per, Averøy, lensmann 204
Strønd, Lars Erikson, lensmann 352
Sundheim, Timann Ivarson 569, 570
Sundvøll, Siri Ellendsdotter, Nord-Aurdal 514
Susanne Mikkelsdotter 139, 140
Sveen, Peder Larsson, Redalen, landhandlar 109, 111, 138, 139
«Svein Kyrkjebyggjar», sjå Tråset, Svein Olson
Sveingjerdet, Karen Mathea Olsdotter, Nordsinni 290
Sveneseige, Ole Engebretson 193
Svenstad, Petter, Nord-Torpa 61, 62
Søberg, Sara, Vardal 219
Sønnev Toresdotter 289
Sør-Aurdal meieri 93
Søreim, Anne Isaksdotter 305
Søreim, Erik, Aurdal 544
Søreim, Hølje Nilsson 262
Søreim, Ivar 162
Søreim, Jeremias Olson 178
Søreim, nedre, Eivind Erikson 544
Søreim, Per Ivarson, Aurdal 80
Søreim, Torunn Tåmåsdotter 80
Søreimseige, Ole Bjørnson, 64
Søreng, Margit, Røn, Vestre Slidre 257
Sørhuseige, Johan Jakobson 97

Taraldsrud, Petronelle Dagfinnsdotter, Biri 160
Tomleeige, Gjartrud Larsdotter, Land 224
Tomleeige, Pål Madsson 234
Ton, Anders Henrikson 22
Ton, Jøren Tørrisdotter 23
Ton, Kari Knutsdotter 508
Ton, nørdre, Anne Andersdotter 494
Ton, Ola Erikson 34, 52
Tonseige, Lars Andersson 30
Tonsåsen Sanatorium 160, 168
Torkjell Asleson 244
Torsong, Lennert Johanson 353
Torsteinsen, Torstein, Voss 153

Trefotplassen, Tore Knutsen 24
Treschow, Gerhard, tollar i Kristiania 118, 260, 295, 316, 505, 506, 510, 522, 542, 661, 694
Trolle, Berit 316, 505, 522
Trondhjem?, Peder Knutson, Etnedal 267
Tråset, Svein Olson, Fåberg 83, 84, 100, 147, 200
Tøndrum, Ola Jørgenson, Land 302
Tørhaug, Klara Mathilde Martinsdotter 340
Tørrhaug, Erik Antonsen 44, 397
Tørrhaug, Erik Eivindson 43
Tørrhaug, Ola Ivarson 36
Tørrmo, Arne Hansson, Nord-Aurdal 448

Ulekyrkja 70, 177, 229
Ulnes, Barbro Sveinsdotter 650
Ulnes, Embrek Sjugurdson 244
Ulnes, Marit Amundsdotter 244
Ulhus, Ola Nilsson, Land 528
Universitetets Oldsaksamling 31, 345, 420
Valderske skarpskytterbataljon 200, 473
Valdres Folkemuseum 169, 170, 265
Valdres Historielag 169
Valdresbanen 9, 11, 26, 28, 29, 189, 210, 292, 306, 307, 312
Vasslia, Berthe Marie Hansdotter 109
Vasslia, Hans Kristaferson 53, 118, 303
Vasslien, Helga Kristoffersdotter, Nordre Land 488
Ve, Ingrid Olsdotter, Flå i Hallingdal 442
Vest-Oppland folkehøgskule 287, 414
Vesterbø, Knut 276
Vilhelmine Oliversdotter 44
Wahlstrøm, A. 528
Weimoth, Edvard, kjøpmann 110
Westby, Klara 216
Wibe, A., lensmann 111
Wisløff, Nils, sorenskrivar 209, 210
Ytre valdreske kompani 570
Ødegaard, O.K., Vestre Slidre 169
Ødegård, Marit, Hundorp 152
Ødegård, Ola, Heidal 152
Øgaard, Synnøve, Vardal 59
Øiom, Ole Martinson, Nordre Land 216, 223
Øren, Bjørn Trulsson, Modum 528
Ørjasæter, Tore 420
Øverli, Halvard Knutson, Etnedal 281
Øybakken, Ingeborg Andrine Nilsdotter, Nordre Land 306

Åberg, Åste 19
Åbjør, Embrek Olson 149
Åbjør, Kjell Kristaferson 304
Åbjør, Ole Gudbrandson 41
Åbjør, Sjugurd Toreson 24
Åbjørsbrøtin, Per Knutson 305
Åbjørseige, Beret Aslaksdotter 40
«Aadnelien», Knut Engebretson 79
Aamodt, Oskar Julius Johanson, Nord-Torpa 173
Åste Torsteinsdotter 65
Åvåk, Ingebjørg Olsdotter 180
Åvåk, Ivar Olson 409

STAVEDAL Fj
Holsæterheiden
Mæyelis Bj
Holdingen
R E N N A
Lidslette
Lange
Rønanger
Sæterne
Sangekvæd
Fjeld
BJODAL Fj
Olnæs Fj
Olnæs St
Skaate St
Kreyster St
Dölvos
Stotene
Vasfjeld Bk
Rabals Fj
Ou Fj
B A N G S
Hans Hood
Hellebox St
Bugfjeld St
Tantierhaug Fj
Bugfjeld
Skinnerfjeld
Bugfjeld
Vandent
Kirkskot St
Flöte St
Flöte
Kalken
Höler St
Höler
Vand
Vossehaugen
Renseldal
Breaate St
Gaute St
Vollos St
Alke Fj
Alke Fj

DRONNING
Ringkøbing
Ringkøbing Amt
Lønborg
Hoe
Ans
Hostrup
Svarskjerg Hede
Lille Knud
Lerkenfeldt
Lerkenfeldt Kirke
Lerkenfeldt Hede
Lerkenfeldt Sø
Lerkenfeldt Mølle
Lerkenfeldt Gaard
Lerkenfeldt Skole
Lerkenfeldt Præstegaard
Lerkenfeldt Kirkegaard
Lerkenfeldt Præstegaard Have
Lerkenfeldt Præstegaard Mølle
Lerkenfeldt Præstegaard Sø
Lerkenfeldt Præstegaard Kirke
Lerkenfeldt Præstegaard Kirkegaard
Lerkenfeldt Præstegaard Skole
Lerkenfeldt Præstegaard G